

Valdrisar på reise fot



Ja, slik kan det gå her i verda - når berre ein stakkar kjem ut

Gåsa og katten og hanen
var leie av livet her.
No ville dei ut i verda
og freiste si lukke der.
Her går vi på bondebygda
som åte for rev og ramn.
Nei, då er det andre tider
hjá kongen i Kjøpenhamn.

So luffa dei gjennom Skåne
og lydde på messa i Lund,
og gåsa ferja dei over
til Kronborg ved Øresund.
Tidleg ein måndags morgon
nådde dei kongens by
Lerka song over Sjælland
og hanefar gol mot sky.

Dei spurde seg fram til slottet,
og vakta gjorde honnør.
So skulle dei syne kongen
kva kunster dei kunne frå før.
Katten var fyrst i elden
og katten fekk lønn for strev:
Kongeleg musefangar
det stod på hans embetsbrev.

Gåsa vart overkokke,
og var som eit syn å sjå
i nystiva blondekappe
med kongeleg våpen på.
Men hanen kom høgst i korga
og skikka seg bra, får vi tru,
for han skulle vekke kongen
presis klokka fem på sju.

No lever dei høgt i ære
som her gjekk i armod og sut.
Ja, slik kan det gå her i verda
når berre ein stakkar kjem ut.
Men det skal bli rop i bygda
når eingong dei tre kjem att !
Nei, maken til makelaus hane,
og maken til gås og katt !

([Fabel](#) – Jakob Sande)



VALDRISAR PÅ REISEFOT

Nokre småstubbar om folk
som reiste bort frå Valdres
og fann opphald og leveveg
på andre kantar av kongeriket

Dette er ofte folk som får
«[stemoderleg](#)» handsaming i bygdebøker

.....



[Theodor Kittelsen](#) – «[Soria Moria slott](#)»

I stor grad går ikkje omtale av folka i stubbane lengre inn mot vår tid enn tidleg 1930-tal. Her og der kan eg ha synt til nettsider som har opplysningar nærare «dagen i dag». Dei som har lagt ut dette stoffet får «ta støytan» om det vert strid om [personvernet](#) ...

Innan de startar lesinga: Ver merksame på at eg enno **ikkje** har lese korrektur ! Det er ei mengd «skriveleifar» og reister av mi eiga «[touchmetode](#)» å finne i kvar einaste stubb !

Elles må nok fleire stubbar skrivast ferdig før eg kan laga ei samla innleiing på denne sida !
Hugs Korintarbrevet kap 13, [vers 11](#) (om Kjeldetilvising !)



Nyttige lekkjer nytta i «stubbane»:

Namn

Førenamn:

[Bøker hjå «nb.no» om førenamn](#)

Sjå bokliste

Personnamn:

Namnelov 1923: [Utne](#) , [Hoelseth](#) - [Lov om personnamn 2001](#) / [1964](#)

Stadnamn:

[Lovdata](#) - [Statkart](#) - [Endringsframlegg 2012](#) , [Lov om stadnamn\(2015\)](#)

Kart:

<http://norgeskart.no>

<http://digitalarkivet.uib.no/norkart/>

<http://digitalarkivet.uib.no/geistleg/oversikt.htm>

<http://gardskart.skogoglandskap.no/>

<http://www.seeiendom.no/>

Matrikkelsystemet

[Historikk](#) Miljøverndep. ([Felles for fleire fylke](#))

1723: <http://www.arkivverket.no/arkivverket/content/view/full/8575>

1838: <http://www.arkivverket.no/arkivverket/content/view/full/5457>

1883:

<http://www.rhd.uit.no/matrikkel/excel.html>

Søk: <http://www.rhd.uit.no/matrikkel/matrikkel.aspx>

Utkast 1950: <http://www.dokpro.uio.no/cgi-bin/stad/matr50/>

[Historisk oversikt over kommune- og fylkesinndeling](#)

[Liste over tidlegare norske kommuner](#)

[Folketeljingar](#) ([Felles for fleire fylke](#))

[Folketeljingar mm hjå RHD](#) (Registreringsentral for historiske data)

Les gjerne artikkelen «[Folketellinger gjennom 200 år](#)» - red.: Kjartan Soltvedt

Kalendar:

[Flyttbare helgedagar](#) (Family Search)

[Bauers kalender](#)

Kyrkjebokoppslag:

[Digitalarkivet](#) – les også svaret om [ny programvare for vising](#)

Oppslag dødsfall/gravferd:

[DIS Gravminner](#)

[Norwegian Death Index](#) ([nettsida er bortteken](#))

Bokseriane «Norske Gardsbruk» hjå [Nasjonalbiblioteket](#) - ([Ny hovedside 2017](#))

[Omtale av bokverket hjå «Lokalhistoriewiki»](#)

Oppdateringar:

- 23. desember 2013:** oppdatering på sidene 4-6 og 27-28
31. desember 2013: lagt til nye sider: 27-32
31. mai 2014: lagt til oversiktskart og sider frå 11 til 22
20. juni 2014: lagt til nye sider frå 30 til 38
23. desember 2014: 2 nye soger frå Nordland fylke
1.februar 2015: Ein stutt og sju lengre «stubbar» frå Nordland fylke
13. mars 2015: 6 nye «stubbar» frå Nordland og ein frå Troms
27. mai 2015: Fleire «stubbar» frå Troms og Finnmark
16. juli 2015: 14 stubbar frå Trøndalagsfylka
4. september 2015: 4 stubbar frå Trøndelag – og Bindalen
17. desember 2015: 1stubb frå Trøndelag, 4 frå Østfold
9. februar 2016: 11 nye stubbar frå Østfold
7. mars 2016: 6 stubbar frå Vestfold
10. april 2016: 8 nye stubbar frå Vestfold
2. mai 2016: 6 nye stubbar frå Vestfold
24. mai 2016: 8 stubbar frå Telemark
6. juni 2016: 6 nye stubbar frå Telemark – 2 stubbar om førenamn
23. juni 2016 – 6 stubbar til frå Telemark – 4 småstubbar frå Vestfold samt «omJernbanefolk»
11. oktober 2016 – Fire nye stubbar (25 sider) frå Nordland (Vesterålen)
22. desember 2016 – Fire nye stubbar frå Nordland (3 Vesterålen, 1 Hattfjelldal), 1 stubb om namn
20. mars 2017 – 3 stubbar (Hattfjelldal), 2 små-. 3 større- frå Aust-Agder, 5 frå vest-Agder + 1 om namn
19. mai 2017 – 10 nye stubbar frå Bergen; 1 stubb frå Rogaland og «yrke: Dykkarar»
3. sept 2017 – Ein stubb frå Rogaland, 4 frå Romerike, ein frå Nordland og ein frå ytre Sogn
22. desember 2017 – 15 stubbar frå Lier, Buskerud
Februar 2020 - 7 stubbar frå Vinger, Eidskog og Odalen – 3 frå Hurdal, 8 frå Eidsvoll

INNHALD

Flytte til:

Østfold

[Dei tre meistrane](#)
[Den fjerde meisteren – også frå Ulnes sokn](#)
[Den femte meisteren – han var skreddar](#)
[Maskinisten på dampskipet «KongHaakon»](#)
[Ifrå Lykkjun til «enaste stedet i Norge som er nevnt i salmeboka»](#)
[Salmakarmeister og Mossekråke \(inga «Mosjøkråke»\)](#)
[Læraren i Onsøy](#)
[Musketær i Fredrikshald](#)
[Jordemoder på Hvaløerne og kona til værftsarbeideren i Moss](#)
[Elev ved Kra. Jordmoderskole, sidan gift med «Kaiforvalter ved Borregaard»](#)
[Systrene frå Toreplassen fann ektemenn i Østfold](#)
[Arb. paa Borreg. Celolose](#)
[Vognmannen i Fredrikstad fekk sitt «JA» frå Slidrejenta](#)
[Husmann og lensarbeidar i Varteig](#)
[Systrene frå Ulnes var tenestejenter i Fredrikshald \(Skivebom i bygdeboka\)](#)

Kom frå:

Nord-Aurdal
 Nord-Aurdal
 Nord-Aurdal
 Sør-Aurdal
 Vang/Øystre Slidre
 Vang
 Vestre Slidre
 Valdres
 Nord-Aurdal
 Nord-Aurdal
 Vestre Slidre
 Vestre Slidre
 Vestre Slidre
 Vestre Slidre
 Nord-Aurdal
 Nord-Aurdal

Akershus og Hedmark**Nittedal:**

[Husmann på Sagerød under Mo i Nittedal](#)
[Barbro Erlandsdtr, syster til Jens, vart gift i Gjerdrum](#)
[Ungguten frå Hedalen lærde hjulmakarfaget i Kristiania](#)
[Ho Astri var innom Skedsmo og budde lenge i Nittedal](#)
[Heradskasseraren likte Valdresjenter](#)
[Jenter frå Valdres vart gifte på baa Rogstadgardane](#)
[Ragnhild vart «gardkjæring» på østgard Skøyen](#)
[Bakaren ved Fetsund](#)

Nord-Aurdal
 Nord-Aurdal
 Sør-Aurdal
 Etnedal
 Vestre Slidre
 Vang
 Nord-Aurdal
 Nord-Aurdal

Hurdal:

[Sønnekone på Sæteraasen i Hurdal](#)
[Lærer på Rustad skole i Hurdal i 1910](#)
[Tiande barnet fekk Deci i namnet](#)

Nord-Aurdal
 Vestre Slidre
 Nord-Aurdal

Eidsvoll:

[Jenta frå Sørskogen tente hjå pensjonert prest på Toten](#)
[Harald Helgeson gifta seg i Eidsvoll](#)
[Landhandlarkona døyde i Eidsvoll](#)
[«Døde under et besøk i Stange»](#)
[Ho Ragnhild kom til Eidsvoll – og vart oppattkalla i fleire greiner](#)
[Gaardbruger\(selveier\) og Skrabhandler](#)
[Kyrkjesongaren frå Røvang](#)
[Frå Skrautvål – via Østre Toten – til Sandholt i Eidsvoll](#)

Nord-Aurdal
 Nord-Aurdal
 Sør-Aurdal
 Etnedal
 Nord-Aurdal
 Øystre Slidre
 Vestre Slidre
 Nord-Aurdal

Den lengste gutten det er nu Glommen

[Lærer i Dalsbygda - Os i Nord-Østerdal](#)
[Sør-Aurdølene i Alvdal \(Lilleelvedalen\)](#)
[Frå Sør-Aurdal via Gol og Ringerike til Folldal](#)
[Arbeidar ved Folldal gruver](#)
[Gardkone på Rødalen i Engerdal](#)
[Tenestegutar på Kværnes i Rendalen](#)
[Foreldrepar frå Tynset og Fron døypte dotter si i Slidredomen](#)
[Huslærer i Holmslien i Rendalen](#)
[Hustømmermand i Storelvdal](#)
[Skiferkarane frå Øystre Slidre lærde bort yrket sitt i Storelvdal](#)
[Mathea fann seg ein jarnvegsarbeidar](#)
[Jon Johanneson Dale – i 1875 huslærer på Øvergaard, Koppang](#)
[Soknepresten i Åmot](#)
[Landhandlar på Rena, dit kom òg syster og veslebror](#)
[Jordmora i Åmot kom frå Vang i Valdres](#)
[Læraren i Deset skulekrins var Vangsgjelding](#)
[Det kom ei jordmor til - frå Vang i Valdres til Åmot](#)
[Tenestedreng hjå dr. Ole Paus](#)
[Sigrid or Køldokken vart gardkone i Osen](#)
[Tre jenter frå Valdres fann ektemenn knytte til Åmot](#)

Vestre Slidre
 Sør-Aurdal
 Nord-Aurdal
 Vestre Slidre
 Sør-Aurdal
 Sør-Aurdal
 Utanbygds
 Vestre Slidre
 Øystre Slidre
 Øystre Slidre
 Sør-Aurdal
 Øystre Slidre
 Øystre Slidre
 Nord-Aurdal
 Vang
 Vang
 Vang
 Nord-Aurdal
 Sør-Aurdal
 Øystre Slidre, Vang

Skreddarmeister i Elverum – gift med fotograf	Øystre Slidre
Formand ved jernbanen (Rørosbanen)	Nord-Aurdal
Dei trefest på Toten, dei vart buande i Sørskogbygda	Øystre Slidre
Turid vart gift med ein sjukepleiar frå Elverum	Vestre Slidre
Lærer Knut Hegge gifta seg òg i Elverum	Øystre Slidre
Olaf Garli, «Elektrisk montør» starta òg ekteskap i Elverum	Nord-Aurdal
Telefonbestyrerinde i Snerthingdal og syerske i Elverum	Etnedal
Erik kasta staven i Glåma - skifta frå Stavseng til Eng	Etnedal
Kjøbmand på Gjøvik, landhandler i Våler(Solør)	Øystre Slidre
Gamleheimstyraren i Gausdal gifta seg i Gjesåsen krk.	Sør-Aurdal
Folkeskulelærarinne – Kirkenær i Solør	Vestre Slidre
Hushaldar hjå tømmerfløytarinspektøren	Nord-Aurdal
Snikkaren held til på Baarderud - men var busett i Drammen	Øystre Slidre
Assortert Landhandler på Tjuren, Namnå i Grue	Vestre Slidre
Skoleholder i Tjuren skolekrets, Grue	Vang
Knut gifta seg i Hamar – paret budde i Grue - han døydde i Åsnes	Nord-Aurdal
Vognmannen på Askovberget, Grue Finnskog	Vang
Almueskolelærer og kirkesanger på Grue Finnskog	Vang
Lærer ved Kirkenær skule	Nord-Aurdal
Læraren ved Bjerke skole i Grue i 1875 var Vangsgjelding	Vang
Seminaristen frå Aurdal gifta seg i Hof krk. i Solør	Nord-Aurdal
Lærer og kyrkjesongar på Lundersæter	Nord-Aurdal
Skolelærer, Austmarka i Vinger kommune	Vang
Halvor frå Reinli var slaktar i Kongsvinger	Sør-Aurdal
Skulelærer og kolonistyrar på Eidskogen	Vang
Sigrid Olsdtr hadde hjelpt mange Sør-Odøler til verda	Øystre Slidre
Dei gifta seg i Strøm kyrkje i Sør-Odal (1)	Sør-Aurdal
Dei gifta seg i Strøm kyrkje i Sør-Odal (2)	Øystre Slidre
Dei gifta seg i Strøm kyrkje i Sør-Odal (3)	Øystre Slidre
Soknepresten, fotballstadion og Ågotstølen	Nord-Aurdal
Lærarinna frå Nord-Odal vart gift med ein Etnedøl	Etnedal
<u>Buskerud</u>	
Anne Olsdtr frå Rogne og Ola Bjørnson frå Ulnes kom til Ovenstad i Lier	Øystre Slidre/Nord-Aurdal
Lars Jensson og Siri Aslagsdtr kom ikkje til Amerika – men til Lier	Nord-Aurdal
Anders Kristenson og Jøren Olsdtr finn vi på Skut(t)estad	Sør-Aurdal
Per Kristenson, bror til Anders, var òg innom i Lier	Sør-Aurdal
Tomas og familien kom til Vefferstad, ikkje til Amerika	Nord-Aurdal
Fire sysken frå Hedalen tok vegen til Lier	Sør-Aurdal
Vegen gjekk om Toten til Lier	Nord-Aurdal
Anne Olsdtr vart kone på ein Merengard	Etnedal
Krylling møter Hedøl – og elskhug flamar i Sylling	Sør-Aurdal
Stue- og kokkepige hjå kapellane på Kirkerud	Vang
Lærer i Rollag i Numedal og seinare i Lier	Vang
Meierska frå Øyebygden vart kone på Brurberg	Vestre Slidre
Klokkarkona frå Etnedal og emissæren frå Høve i Rogne sokn	Etnedal/Øystre Slidre
Kven hadde attest frå Sigdal ?	Sør-Aurdal
Skreddaren frå Bagn via Nes i Hallingdal til Lier	Sør-Aurdal
Lærarkona frå Røsslend	Øystre Slidre
<u>Vestfold</u>	
Valdrisar i Vestfold i 1768,1831 og 1947	
Feiarmeister i Tønsberg og Sandefjord, feierinspektør i Kristiania	Nord-Aurdal
Kyrkjesongaren og organisten	Øystre Slidre
Veginspektør på Vest- og Sørland, gardeigar i Vestfold	Nord-Aurdal
Skræddermester og Kjøbmand i Risør, Proprietær i Sem	Sør-Aurdal
Hedølen var hjulmakar i Tønsberg	Sør-Aurdal
Kyrkjesongar og lærar i Kodal sokn, Andebu prestegjeld	Vang
Fødd i Vang, konfirmert i Slidre - lærar i Strømsø, kirkesanger i Stavern	Vang
Kona til Fragtmanden – og mor til såpefabrikanten	Vestre Slidre
Eivindsdottera og Gulliksonen	Vestre Slidre
Læraren frå Kristianslund	Nord-Aurdal
Fødde i Hedalen kyrkjesokn, konfirmerte og gifte i Larvik	Sør-Aurdal

Conditorsvend i Kristiania - Bagemester i Langestrand	Nord-Aurdal
«Dagarbeider for Stadsingeniøren»	Nord-Aurdal
«For i heile vinter har eg vore med og rydda veg»	Nord-Aurdal
Gartner i Stavern (Fredriksværn)	Nord-Aurdal
«Skrædderarbeider. Medlem af den jarlsbergske Frimenighed»	Vestre Slidre
Fødd i Øyebygden, husflidslærer i Aurskog, døydde i Holmestrand	Vestre Slidre
Sliper ved hvalfangststation	Sør-Aurdal
Fødd i Svenes sokn, flytta til Rjukan - døydde i Tønsberg	Nord-Aurdal
Jernbanetelegrafist ved Statsbanene – busett i Tønsberg	Vang
Banevokter vart fødd i Veien	Nord-Aurdal

Telemark

Målaren frå Sørskogen og sønene hans	Nord-Aurdal
Kven var lensmann Knutsen i Seljord ?	Nord-Aurdal
Fødsel og død kan dokumenterast	Vestre Slidre
Husmannsguten frå Melby vart hotelleigar i Sauland(Hjartdal)	Øystre Slidre
Skomakarsvein i Kragerø – med hjarterom og husrom	Øystre Slidre
Jordmor i Skien – og emissærkone	Vestre Slidre
Men så kom det ein friar	Etnedal
Gardbrukarane på Haugåsmo i Grungedal	Nord-Aurdal
Ole Olsen Næste, Ungkarl og Grubearbeider i Bamle	Vestre Slidre
Vegoppsynsman i Drangedal – og politilua til lensmann Hovelsrud	Nord-Aurdal
Salpeterarbeidar på Notodden 1918	Nord-Aurdal
Vangsgjelding vart slaktar på Rjukan	Vang
Han var vel ikkje frå Ådalen ?	Sør-Aurdal
Hans Arneson: Fargar, inderst, husmann og frihandlar	Etnedal

Aust Agder

Diakonissa frå Vølbu	Øystre Slidre
Jernbanearbeidar ved Barbu	Etnedal
Skreddaren frå 'Landmarksbråten'	Nord-Aurdal
Nok ein skreddarmeister frå Valdres - frå Slidre - til Arendal	Vestre Slidre
Frå Aurdal til Kristiania – men endar i Froland	Nord-Aurdal
Musketér i Horten og rørlegger i Arendal	Nord-Aurdal
Gardjenta på Lo som vart 'fru overrettsakfører' i Grimstad	Nord-Aurdal
Narve ifrå Øyhuseigun, «grubearbeider» og bestefar til mange	Sør-Aurdal
Lensmennene i Valle i Setesdal	Nord-Aurdal
Lærer/kyrkjesongar og gardbrukar på Groven i Nore - sidan klokkar på Hisøy	Nord-Aurdal

Vest Agder

Jarnveg- og vegbygger på Vest- og Sørland	Vestre Slidre
Stentrykker (Litograf) med bustad i Mandal	Nord-Aurdal
«Der var en liden by, I byen var en smed»	Vang
Lærarinna frå Øe(Øde) i Røn vart gardkone på Djupvik i Flekkefjord	Vestre Slidre
Politikonstabel og sagarbeidar i Kristiansand	Nord-Aurdal
« Fotoatelier i grisehuset på Ølken »	Vestre Slidre
Læraren or Tørpegaro vart gardbrukar i Nord-Audnedal	Vang
«Giftekniven» på sorenskrivarkontoret	Nord-Aurdal
«Men det sa` presten ingenting om da vi sto der»	Vang

Rogaland

Rønsbygdingen som vart «Barhauer» ved Vigsnes gruver	Vestre Slidre
og bror hans, vegarbeidar og jarnvegsarbeidar på Flekkefjordbanen	Vestre Slidre
ROLANDSKVADET - men munk var han ikkje	Vang
Ein får åtte, hin får ingen - «Storeslem og Lilleslem»	Vestre Slidre
Til Karmsund – men ikkje for å ta del i filmfestival	Øystre Slidre
Handelsmann på Hasseløy(Haugesund)	Vestre Slidre
Ragnhild frå «Valders» og Sigurd frå Vinje	Nord-Aurdal
Ingebjørg frå Valdres og Christen frå Avaldsnæs	Nord-Aurdal
Familien flytta frå Hjellebergo i Slidre til Nedstrand på Haugalandet	Vestre Slidre

Buntmakarsveinen frå 'Sørumseiet'	Nord-Aurdal
Kjedelsmed i Stavanger	Nord-Aurdal
Sonen til stasjonsmeisteren vart ingen gamal kar	Nord-Aurdal
Gråsteinsmurar frå Semeleng budde i Pedersgata i Stavanger	Vestre Slidre
Søfarende Lomisbygding med bustad på Hasseløen	Vestre Slidre
Han heitte Ole Beiten og han var ein bondemann	Øystre Slidre
Koparkisarbeidarane, Vegarbeidaren og Misjonseleven	Nord-Aurdal, Vang
«Rømt fra Famelien»	Nord-Aurdal
Ola Sivertson Åberg fann «det største sylvfund i Rogaland»	Nord-Aurdal

Hordaland med Bergen:

Fødd i Raneisbygden, gift i Finås, budde i Ålesund og døydd i Vikna	Nord-Aurdal
Frå Dølv - langs Sognefjorden - og ende reisa på Strilelandet	Sør-Aurdal
To Gullikar frå Valdres til Fjell på Sotra	Vang
Den andre Gulliken kom frå Øystre Slidre	Øystre Slidre
Vestover, dit han far kom frå ...	Nord-Aurdal
Vestover - med han far, ein kar med ansvarskjensle	Vang
Vangsgjeldingen i Skånevik	Vang
Smeden på Baugstø i Skånevik var fødd i Skrautvøl	Nord-Aurdal
«Ikke hjemstavnstrett i Sveio»	Nord-Aurdal
Bonden på Sævartveit i Ulvik	Vang
Systrene frå Høvseige i Øystre Slidre kom til Hauge på Voss	Øystre Slidre
Anne frå Mo i Slidre, kone i Græshuset på Voss	Vestre Slidre
«For at finne Arbeide» - til Bryn på Voss 1855	Nord-Aurdal

Bergen:

Elektrisk arbeider i Kraa., gift i Barbu, Elektriker i Bergen	Nord-Aurdal
Skomakermeisteren frå Vang hovudsokn motte ei trønderjente i Bergen	Vang
Læregut i skomakarlaget – sidan Tømmermand - og tre ekteskap	Vang
Kjellarmeister hjå HANSA bryggeri	Vestre Slidre
Frå Remme-eige til Bergen rett før 1850	Vang
Knut frå Tuv kom til Bergen - og fann seg ei Sunnfjordsjente	Vestre Slidre
Gullsmedsvein både i Kristiania og Bergen	Nord-Aurdal
Blokmagemesteren hadde kone frå Hørisbygden	Vang
Læretid i Kristiania, seinare gullsmedmeister i Bergen	Nord-Aurdal
Bakar i Bergen - Industriarbeidar i Odda	Vestre Slidre
Kom frå Skrautvøl, innom i Eidfjord og i Åsane - gift i Bergen	Nord-Aurdal
«Gift med ein svenske»	Vang
Fyrst ein Visecorporal, så ein Gaardmand	Vang
Dykkaren frå Ulnes kyrkjesokn	Nord-Aurdal
Emigrantane tok tenkjepauser i Fana og Årstad	Øystre og Vestre Slidre
«Mekanisk Arbeider Skibsværksted»	Nord-Aurdal
Skjærsliparmeisteren ifrå Beitohaugé	Øystre Slidre
Frå Vang – via Sogndalsfjæren – til Bergen	Vang
Fødd i Vang, gift i Bergen, emigrerte til USA	Vang
Frå garden Hedalen i Hegge sokn i Øystre Slidre - til Sogndal – og Bergen	Øystre Slidre

Ytre Sogn, Sunnfjord og Nordfjord:

Knutane frå Skrautvølsbygden - «utan Knutar på tråden»	Nord-Aurdal
Klokkar i Skrautvøl og klokkar på Selje	Nord-Aurdal
Vestreslidring til Sunnfjord – Hørisbygding til ytre Sogn	Vestre Slidre
Marit i Hørisbygden – vert Marte i Hyllestad	Vang
<i>Båtflyktingar utetter Sognefjorden:</i>	
Dei treftest ikkje att før Kinnafisket – då var dei gamle karar	Vestre Slidre
Blikk stillt på Ølsjøen – storm i Nordsjøen	Nord-Aurdal
Kom til verda «på Sæteren» - Flytta vestom langfjella	Vang
Aslag, farbror hans Tore - kom og vestom langfjella	Vang
Liten av vokster i 1759	Vang
Buntmakaren or Skjelgrenden	Vestre Slidre
Men her er fler som bager brød	Nord-Aurdal

[«minst 19 gonger over Filefjell med fedrift»](#)
[Oksehov af Slidre – og eg som trudde oxen var eit klauvdyr...](#)

Nord-Aurdal
 Øystre Slidre

Møre og Romsdal:

[Prestane med geografikunnskap – samt Etnedølene i Aukra kyrkjebøker](#)
[«Hadde e endå vøre i Soreli, so hadde e hatt graut åt tenistguté mine»](#)
[Fleire band mellom Rottøya i Aure på Nordmøre og Valdres](#)
[Ågot frå Slidre og Bjørn frå Hemsedal til Romsdalen](#)
[Tenestjenta på Male i Hustad – med Åbjørsblod til Romsdalen](#)
[«Ut mot havet» - Frå Hilme i Ulnes til ordførargjerning i Bud](#)
[Frå bratte bakkar i Dælsbygden til ytre Fræna](#)
[«Atter og fram, det er like langt; - ut og inn, det er like trangt ! »](#)
[Frå Kjerstein i Øye til elskhug i Fræna ?](#)
[Stuttvarig opphald i Bjørnsnøs \(*Veni, vidi, reversa*\)](#)
[På reisefot til «Klippfiskbyen»](#)
[Frå Strønd til Romsdalen](#)
[Nils Nilson – Opticus i Ålesund](#)

Etnedal
 Slidre/Aurdal
 Øystre Slidre
 Vestre Slidre
 Nord-Aurdal
 Nord-Aurdal
 Øystre Slidre
 Etnedal
 Vang
 Øystre Slidre
 Øystre Slidre
 Nord-Aurdal
 Vang

Trøndelagsfylka:

Sør-Trøndelag:

[Stavadølen vart fiskar på Frøya](#)
[Blikkenslager på vandring](#)
[Handelsmand og Blikkenslager](#)
[«Arbeider ved Ølbryggeri»](#)
[Frå ulike trinn på rangstigen](#)
[Barnedåp i Aurdal - vidare til Selbu](#)
[Sivert, Marit og «Gamlehjemmet»](#)
[Reinsgjetardottera på Røros](#)
[Skræppehandlaren losjerte i øvre Kleven](#)
[Frå Sæbesyder til Sæbefabrikbestyrer](#)
[«Ei lita Misstyding»](#)
[Barneregla om kronblada på prestekragen](#)
[Fire Valdrisar i «Bergstaden» fyrst på 1900-talet](#)

Sør-Aurdal
 Vestre Slidre
 Vestre Slidre/Nord-Aurdal
 Nord-Aurdal
 Nord-Aurdal
 - Utanbygds
 Vang
 - Utanbygds
 Etnedal
 Sør-Aurdal
 Vestre Slidre
 N & S Aurdal, Vestre Slidre
 Nord-Aurdal – Øystre Slidre

Nord-Trøndelag

[Gardkjøpar ved Årsetfjorden](#)
[Til Namsos – lenge før Trønderrocken si tid](#)
[Tømmerhoggar i Grong – Leilending i Harran](#)
[Banemeister på «Hell-Sundanbanen»](#)
[Etnedalskona på Stenerhaugen i Overhalla](#)
[«Født i Slidre» - syskenpar via Biri til Trøndelag](#)
[«at tjene og dernest nedsette sig som husmand»](#)
[To karar med lang fartstid ved jernbanen](#)

Nord-Aurdal
 Etnedal
 Øystre Slidre
 Nord-Aurdal
 Etnedal
 Vestre Slidre
 Etnedal
 Nord-Aurdal – Vestre Slidre

Nordland:

[Han Ola frå Tonseige fann si eiga «Lekamøy»](#)
[Det står ein friar uti gar'e](#)
[Mot nord – Mot nord – i fleire steg](#)
[Smeddottera og son til nessekongen](#)
[Ho Anne frå Ukshøvd kom til Steira på Sortland](#)
[Synnafor Saltfjord og nordafor Saltfjell](#)
[«Saugbruksarbeider» i Namsos, «Husmand» i Saltdal](#)
[Fødd i Røn, budde på Værøy, døydde i Fauske](#)
[Hippisbygdingen som hadde vore gift](#)
[Valdrisar vandrar i Vefsn – og i Hattfjelldal](#)
[Familien på øvre Tralrud i Susendalen](#)
[Ektefolka frå Aurdal kom til Pantdalsli i Susendalen](#)
[Frå Langedal i Bruflat sokn til Kampli i Susendalen](#)

Etnedal
 Nord-Aurdal
 Nord-Aurdal
 Vang
 Øystre Slidre
 Etnedal
 Etnedal
 Vestre Slidre
 Nord-Aurdal
 Etnedal
 Nord-Aurdal
 Etnedal

Slidring møter Lending	Vestre Slidre
Sersjanten frå Hedalen	Sør-Aurdal
Vaadeskud i Alstahaug	Nord-Aurdal
Pensjonert lærar finn lukka i Vefsn	Nord-Aurdal
Bokhandlaren i Kabul Bodø	Nord-Aurdal
Materialforvaltar hjå LKAB	Nord-Aurdal
Ein lang båttur til kyrkje	Nord-Aurdal
Timann og Nils – frå Hipplesbygden til Svolve i Lofoten	Nord-Aurdal
Ektepar i Vesterålen med forfedre frå Valdres – Ingebrigt Valdres	Nord-Aurdal
Fire sysken frå Espelieige i Etnedal reiste ut frå Valdres	Etnedal
Ingrid Knutsdtr og Helmer Jokumsen på Indbjør og Gullstad i Hadsel	Etnedal
Frå Etnedalen via Susendalen til Hadsel i Vesterålen	Etnedal og Nord-Aurdal
Var Tøris Andersen frå Valdres eller frå Sogndal ?	?
Nilssønene frå Røn til Øksnes	Vestre Slidre
Nordgåande sysken frå Viste	Vestre Slidre
Far og dotter frå Slidre til Andøya	Vestre- og ØystreSlidre
Jæktskipperen i «den gamle stad»	Vang
«Ægteviet, efter mange aars konkubinatt»	Nord-Aurdal

Troms:

Bokhandlar i Tromsø – utgjevar av Knut Hamsuns fyrste roman	Nord- og Sør-Aurdal
Det var ein gong to skomakarbrør – skom skom skomakarbrør	Etnedal
Målar- og glasmaester i Ishavsbyen	Vestre Slidre
Vi kjenner ikkje leia – men vi veit kvar det bar	Etnedal
«Globetrottaren» frå Løkreim	Vang
Fødde på Bukkskinn	Vestre Slidre
Fotografen Gabriel	Etnedal

Finnmark:

Frå Ulnes via Gausdal til Tana – men «sør for det aude hav»	Nord-Aurdal
Vægter i Vadsø i 1865	Øystre Slidre
To giftarmål – inga gravferd	Vang
Gaardbruger i Hammerfest	Etnedal
Langt nord – og langt sør – Aurdalsjenta reiste Noreg på langs	Nord-Aurdal
Eitt giftarmål – og tre gravferder	Nord-Aurdal, Vestre Slidre

Nokre småstubbar om førenamn:

Parallellnamna [Berit/Bergit og Marit/Margit](#) i Valdres og Hallingdal
[Østen / Esten og Øystein](#) – Esten er typisk i trøndsk målføreorråde og Nord-Østerdal
[Førenamnet Rønjus](#) – eit 'Slidrefenomen'
 Kvinnenamnet [Gønner](#) hadde Hedmarken som arnested
[Ingeleiv](#) – kom nok frå indre Sogn over til Valdres og Hallingdal
[Gullik](#) – mykje nytta i Numedal og i Vestfold
[Niri og Neri](#) – neri der
[Det store Sveinungfylket](#)
[Det var mange Aslak karar i Telemark](#)
[Narve](#) (utan [skokrem](#))
[Det stig av hav eit SALVELand](#)
[Bøye](#) (Uri Geller bøyde skjeier)
[Serine](#) - og Serinakaker
[Seriana](#) – men ingen [sláttekar i himmelen](#)
[Han Mass og han Lasse](#) - Kom «bjørnejegrane» frå ytre Sogn og Sunnfjord ?

[Villads/Villats/Willads/Willats](#) (mange i Smålenene)
[Reier](#) (reier ikkje senger)
[Agnete](#) breier seg ut frå Mjøsbygdene
[Søren](#) (avleia av Severin)
[Brede](#) – fann ein mange av i Solør
[Mannsnamnet Timann \(T\(h\)ideman\(d\)\)](#) – høgt skatta i Aurdal og Sandsvær
[Sæbjørg/Sebjørg](#) – med kjerneområde i Slidrebygdene
[Kvinnenamnet Aminda og mannsnamnet Koldevin](#) – ikkje Eiswein
[Embjør og Ingebjør](#) – nord i Gudbrandsdalen og i Valdres
[Levor](#) – tungveker i Hallingdal og Numedal
[Bersvend](#) – i trøndsk målføreområde og i Nord-Østerdal
[Du kan \(g\)jerne heite \(G\)Jendine](#) i Troms på 1820-talet

Litt statistikk om yrkesnemningar:

[Hjulmakarar](#) (frå Valdres – og statistikk frå FT)
[Feiarar](#) (i kongeriket)
 «[Jernbane](#)»
[Skreddarar](#) (i Valdres)
[Smedar](#) (i Valdres)
[Skomakar, skomakar, mak meg eit par](#) (Valdres – og kongeriket)
[Bakarar](#) (Noreg)
[Jordmødre](#)
[Uforståeleg og overveldande](#) - Elektrisk kraft og dei som hadde lært seg «det nye»
[Dykker \(man kan ike se den grense ynder vaan\)](#)

«Strøtankar»

[Uekte born i Ourdahl prgj. 1832-1834](#)
[Er «perleporten» breiare for ein Valdris enn for ein Sogning ?](#)
[Blant alle «LANDe» i øst og vest](#)
 «[Handskrift i Sovestilling](#)»
[Når enden er god](#)



Østfold fylke (Smaalenenes amt)



Kjelder	Tal registrert
FT 1865	24
FT 1875	10*
FT 1885	10*
FT 1900	78
FT 1910	64
Giftarmål	18*
Dødsfall	15

* ikkje heile fylket

Dei tre meistrane

ikkje '[Dei tre mostrene](#)'- dei kjem om litt ...

Brørne frå Hipplesbygden fann ektefeller i Østfold

[20. mai 1814](#)^[Hside,5.ovanfrå] giftar pige **Bergithe Engebretssdtr Grøthe** fra Nes Præstegjeld i Hallingdal seg med ungarl **Lars Ols Rognaas**. Forlovarar var *Aslak Tollefsen Granum* og halvbror til brudgommen, *Amund Olson Rognaas*.

Birgit var døypt [1/3-1789](#)^[#49] i [Hemsedal kyrkje](#). Her vart ho òg konfirmert, [9/11-1806](#)^[#1]. Foreldra hennar heitte [Engebret](#) (Embrik/Embret) [Trondson](#) og [Margit Olsdtr.](#) Ved [FT1801](#) finn vi **Birgit** saman med foreldra og tre sysken registrert på [Grøte](#) i *Hemsedals Annex* til Næss prestegjeld. Familien er nemnde på [s 183](#) i «*Hemsedals Slegtshistorie*».

I slutten av denne stubben skal eg ta med litt statistikk kring namna *Birgit/Bergit* og *Margit* i Hallingdal og parallellnamna *Berit* og *Marit* i Valdres.

Lars vart boren til dåp i [Svenes kyrkje 29/10-1784](#)^[Vside,4.ovanfrå]. Han er ikkje nemnd mellom dei konfirmerte frå 1799 og utetter, men det er ikkje innført konfirmantlister for Aurdal prgj. i åra 1796-1798. Han er son til [Ola Finkjellson \(1755-okt.1815\)](#) og [Marit Olsdtr \(1749- nov.1817\)](#). **Lars** er ved [FT1801](#) busett på [Rognaas](#), *Ulnees* sokn i *Ourdahl* prgj. saman med foreldra, ein bror og tre halvbrør.

I denne stubben skal vi ta for oss tre av dei fire yngste borna til **Lars** og **Birgit**. **Nils** ^A **Larsson** var f 29/12-1825, dpt i Svenes kyrkje [5/2-1826](#)^[#10], konf Svenes [28/6-1840](#)^[#7]. Nestemann ut er **Knut** ^B **Larsson** f 12/3, dpt Svenes [12/4-1830](#)^[#49], konf [Ulnes krk. 14/7-1844](#)^[#1]. Han får utflyttingsattest med reisemål Sarpsborg [7/6-1852](#)^[#14]. **Halvor** ^C **Larsson** kom til verda 10/1-, dpt Ulnes [2/2-1834](#)^[#16], konf Ulnes [16/7-1848](#)^[#3]. Utflyttingsattesta hans, datert [3/2-1854](#)^[#1], har òg [Sarpsborg](#) notert i rubrikk «*Til hvilket sted*». Familien er å finne i «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*» band C side 507.

Kanskje var det eldste bror, **Nils** ^A, som fyrst la i veg mot [Smaalenene](#). Han er skriven *farver* *Nils Larsen Rognaas* då han giftar seg , i [Skjeberg krk., 31/10-1851](#)^[#22]. Alder er notert til 26 år. Jenta han giftar seg med heiter **Amalie Magdalene Johansdtr.** Hennar alder er notert til 22 8/12 år. Ho var f på *Snarvagten* under [Hafslund](#) 8.mars-(seinare [Kvinnedagen](#)) og døypt i Skjeberg krk [19/4-1829](#)^[#20]. Ho vart konf i Skjeberg [29/9-1844](#)^[#7]. Foreldra hennar var husmannsparet [Johan Larsen](#) og [Maren Kirstine Hansdtr.](#)

Amalie og **Nils** ^A vert foreldre til desse borna: **Johannes Laurentius** ^{Al} f i Sarpsborg 7/12-1852, dpt i [Tune krk. 1/1-1853](#)^[#6]. **Birthe Maria** ^{A2} f Tune 10/5-, dpt Tune krk. [3/6/1855](#)^[#143], konf Glemmen krk [2/10-1870](#)^[#44]. **Arnt Marius** ^{A3} f Sarpsborg 19/7-, dpt Tune krk. [16/8-1857](#)^[#275], konf «*i Byens kirke*» (Vestre Fredrikstad) [7/4-1872](#)^[#1]. **Sara Elisabeth** ^{A4} f Sarpsborg 25/8-, dpt Sarpsborg [18/9-1859](#)^[#63]. **Konrad Nathaniel** ^{A5} f Nygaardsgt., Fredrikstad 2/8-, dpt [Glemmen krk. 16/8-1868](#)^[#198] og konf i [Vestre Fredrikstad krk. 30/9-1883](#)^[#1].

Ved [FT1865](#) bur familien i *Nygaard* teljegrins, *Glemminge* sokn i *Frederiksstad* prgj. *Husfader* **Nils Rognaas** har yrkesnemning «*Skolelærer*». (ved dåp av dei fire eldste borne var han skriven «*Farver*» og «*Farvermester*»). I husstanden finn vi òg [pleiesonen](#) *Andreas Sunt*, *farvergut* *Thorner Nilsen* og tenestjenta *Elen Jensdtr.*

Teljinga i [1875](#) syner familien busett i Nygaardsgade 295. Dei tre sønene er registrert saman med ei framtidig svigerdotter og ei tenestjente. Same gateadresse i [FT1885](#) fortel at **Amalie** og **Nils** ^A no har sonen **Konrad Nathaniel** ^{A5} innom på «*midlertidig opphald*»(mt). Han er no *student*. Han er ved [teljinga 1891 cand.mag.](#) og «*Lærer v Midsk*»(*Middelskolen*). Bustadsadresse er no *Nygaardsgade 295*. De kan finne [huslista](#) samt personskjema for [Amalie](#) og [Nils ^A. Han er no «*Afgaaet Skolelærer, Pessionist*» og *Huseier*.](#)

[9. oktober 1900](#)^[utan nr] tek **Nils** ^A **Larsen Rognaas** avskil med livet. Kyrkjeboka fortel at han då budde i Mellemg. 3 og at han vert gravlagd og jordfest 13/10 s.å. - [FT1900](#) syner at **Amalie** og sonen **Konrad Nathaniel** ^{A5} då budde i Nygaardsgade 291 i Fredrikstad kjøpstad.

Amalie Magdalene døydde [12/2-1903](#)^[utan nr]. I kyrkjeboka er dødsårsak notert å vera [Pneumonia](#) –([SML](#)). Gravferd og jordfesting var 18/2 s.å. Hjø DIS-gravminner finn ein at ho ([Fru Rognaas](#)) og [ektemaken](#) kviler på [Glemmen kirkegaard](#).

No får vi sjå litt nærare på barneflokket til **Amalie** og **Nils** ^A. - Som vi såg i [FT1875](#) var **Johannes Laurentius** ^{Al} skriven «*Kand. Thl.*». «*Norges gejstlighed*» (1906) fortel på [side 85](#) at han vart uteksaminert i 1875. «*Steinklerleksikonet*» fortel at han vart styrar ved [borgerskolen](#) i Steinkjer i 1876. Skulen vart [middelskole](#) i 1878. **Johannes Laurentius** ^{Al} var ordførar i Steinkjer i 1886.



Steinkjerleksikon

Johannes Laurentius ^{A1} gifta seg i Horten [24/7-1877](#)^[#17] med **Eulalia Jakobsen**. Ho var f i Horten 12/2-, dpt i Borre prgj. [11/4-1854](#)^[#89] og konfirmert i [Horten krk.](#) [24/4-1870](#)^[#24].

Ved [FT1865](#) er ho registrert saman med to systre og foreldra, *skibbyggningsformand i Marinen*, **Jens-** og **Andrine Jacobsen**. Adressa; Mellem **Keisermark**gade 20, er den same også ved [teljinga i 1875](#) (då er ho òg registrert i Fredrikstad).



Norges Gejstlighed

Johannes ^{A1} vart i 1886 sokneprest i **Bindal** prgj. **Eulalia** og **Johannes** ^{A1} vart foreldre til **Trygve** ^{A11} f 21/8-, dpt [Steinkjer krk.](#) [7/11-1878](#)^[#42], konf [Vassås krk.](#) [30/9-1854](#) ^[#56]. **Aagot** ^{A12} f 15/1-, dpt [Steinkjer](#) [22/3-1881](#)^[#12], konf [Aremark krk.](#) [11/10/1896](#)^[#1]. **Signe** ^{A13} f [Steinkjer](#) 9/6-, dpt [Steinkjer krk.](#) [11/8-1882](#)^[#25]. **Magda** ^{A14} f [Steinkjer](#) 7/8-, dpt [Steinkjer krk.](#) [13/9-1883](#)^[#18]. **Borghild** ^{A15} f [Steinkjer](#) 24/12-1884, dpt [Steinkjer krk.](#) [12/2/1885](#)^[#1]. Yngstemann, **Yngvar** ^{A16} vart f i [Bindal](#) 13/7-, dpt [Vassås krk.](#) [3/8-1888](#)^[#19], konf [Aremark krk.](#) [27/9/1903](#)^[#1]. – Medan **Johannes** ^{A1} gjorde tenest i [Bindal](#) konfirmerte han to brør, nemnde i stubben om «[Lekamøya](#)»

[FT1885](#) syner familien busett i *Vestre Nygade i Steinkjer ladested*. Ved [FT1891](#) finn vi dei busette på [Bindal prestegard](#) (teljkrins 2, [husliste 23](#) – Personskjema: [f.o.m](#) – [t.o.m](#)). I 1894 vart **Johannes Laurentius** ^{A1} sokneprest i [Aremark](#). [FT1900](#) fortel at familien, bortsett frå Aagot, er busette på [Aremark prestegard](#). **Aagot** ^{A12} finn vi i [FT1900](#) som huslærarinne hjå sokneprest [Anton Marius Moe](#) og familie på [Drangedal prestegard](#).

I 1905 vart **Johannes Laurentius** ^{A1} [res. kap.](#) i [Domkirkens](#) menighet i Kristiansand S. I tenestetida si i Kristiansand vigde han eit ektepar nemnde i stubben «[Skreddaren frå Land-marksbraaten](#)».

Johannes Laurentius ^{A1} døyr, snaue 58 år gamal, [29/11-1910](#)^[#103] og vart gravl. frå [Kristiansand Domkirke](#) 7/12 s.å. Bustad er oppgjeve til [Østre Strandgate 31](#) – dødsårsak skrive [Arteriosclerosis](#). [FT19100](#) vart halde [to dagar etter](#) at **Johannes** døydd. Enka **Eulalia** og dei fire yngste borna er no notert i [Østre Strandgate 31](#), men både **Signe** ^{A13} og **Borghild** ^{A15} er på «*midlertdig opphald*»(mt). DISgravminner syner at **Eulalia** er gravl. [9/6-1949](#) på [Vestre Gravlund](#) i Oslo.



Trygve og John

Trygve ^{A11} **Rognaas**, ugift [løytnant](#), er registrert utreist frå [Kristiansand](#) [9/8-1909](#) med reisemål USA. «[Findagrave.com](#)» syner at han døydd [24/1-1965](#) i [Josephine Co.](#), Oregon og at kona hans heitte [Ella](#) (1889-1979). Dei hadde m.a. sonen [John Thorolf](#) (1917-2003), gift med [Jean Solveig Oftedal](#) (1917-2003). Det ser ut til at Ella og Trygve ei tid har budd i [Victoria](#), British Coloumbia, då sonen John er fødd der 12/8-1917. [Findagrave.com](#) har **Trygve** ^{A11} død [24/1-1965](#), Grants Pass, OR.

Aagot ^{A12} **Rognaas** finn vi ved [FT1910](#) busett i [Nedre Storgt. 35](#) i [Drammen kjøpstad](#). Ho er no «*Lærerinde ved Drammen folkeskole*». DISgravminner syner at ho døydd [29/6-1957](#) og vart gravlagd 23. oktober 1967 på [Vestre Gravlund](#) i Oslo. Her kviler ho. saman med mor si.

Signe ^{A13} **Rognaas** var i [FT1910](#) registrert midlertidig i [Kristiansand](#)(sjå ovanfor) men teljinga for [St. Olavsgt 28/30](#) i [Kristiania](#) i [1910](#) syner at ho er «*Sygepleierske elev*». «*Hvem er Hvem*» [utg. 1930](#) syner at **Signe** gifta seg i 1915 med seinare professor, dr.med. **Sigurd Hagen**. Han var f i [Græsvig](#) 14/1-, dpt i [Onsøy krk.](#) [29/3-1885](#)^[#21]. Foreldra var Lærer [Kristoffer Hagen](#) og kona [Kristine Haagen-rud](#). [FT1900](#) fortel at han bur på [Græsvig Brugsskole](#) i [Onsøy herad](#), i [FT1910](#) var han stud.med og budde i [Glükstadgade 6](#) i [Kristiania](#). *Lokalhistoriewiki* har [ei nettside](#) om **Sigurd Hagen**. - [Kristiania adressebok 1916](#) fortel at han har adresse [Pilestrædet 32](#). **Signe** ^{A13} døydd på «*Røde Kors klinik*» [30/1-1922](#)^[#17] (kremert 6/2 s.å.) medan **Sigurd** døydd 12/5-1938. Han vart gravl. på [Vestre Gravlund](#) 2/6 s.å. Kommunal teljing for [Kristiania 1923](#) syner at paret hadde sonen **Sigurd** f 2/7/1920.

Magda ^{A14} finn eg i ein [Geniprofil](#). Det ser ut til at ho vart gift med **Ragnvald Eugene Kloumann Olafsen** f i [Kristiania](#) 28/12-1881 dpt [Johannes krk.](#) [12/3-1882](#)^[#24], død [20/9-1950](#), gravl. [Vår Frelzers gravlund](#) 1/11-s.å. Han har bustad i [Søgade](#), [Kristiania](#) ved teljingane i [1885](#), [1900](#) og [1910](#). Han er son til *Fuldmæktig h. Underfogden*, **Eugen Olafsen** og kona **Jenny**. Hjå DIS-gravminner finn eg **Magda** ^{A14} død [2/7-1966](#), gravl på [Vår Frelzers gravlund](#) 4/10 s.å.

Borghild ^{A15} gifta seg i [Kristiansand](#) [1/10-1907](#)^[#64] med **Trygve Rangsæter**, *Kommunelæge, Moi pr. Flekkefjord*. Han var f 11/8-, dpt [22/9-1878](#)^[#37] i [Vestre Fredrikstad krk](#) der han og vart konfirmert [1/4-1894](#)^[#4]. Han er son til lærar **Anders Olai Rangsæter** og **Jensine Mathilde Sofue Jensen**. Frå *Norske Gaardenavne* ser det ut til at **Rangsæter**(en) berre er registrert i [Volda](#). **Trygve** bur ved [FT1885](#) i [Storengen gade](#) i [Fredrikstad](#), i [FT1900](#) er han stud.med antatt oppholdssted [Grønnegade 22](#). [Kristiania](#). **Borghild** ^{A15} og **Trygve** har i [1910](#) dottera **Gunvor** ^{A151} f 25/7-1908, død [21/6-1929](#), gravl. [Drøbak](#). DISgravminner syner at *Læge-Sanitetsmajor* **Trygve Rangsæter** døydd [10/10-1948](#) medan **Borghild** ^{A15} levde fram til [19/6-1969](#). Dei kviler alle på [Drøbak kyrkjegard](#). «*Pensjonist-nytt*» 2/1996 har på [sidene](#)

[30 og 31](#) stykket «*Legeservice i gamle dager*», der det er bilete av **Trygve Rangseter**. Det er omtale av han i boka «*Tillegg til Norges læger*», side [467](#).

Yngvar [A16](#) var ved [FT1910](#) «*Studerende*». Kyrkjeboka for Vassås sokn i Bindalen syner at «*Diplomingeniør Yngvar Rognaas, gift*» døyde [28/11-1918](#)[\[#0\]](#) i [Burghausen](#), Tyskland. Dødsårsak er «*ikke opgit*». Han «*Døde paa sykehus*», «*Dødsann gj. Utenr.dep.*».

Styrmand **Arnt Marius** [A3](#) **Rognaas** gifta seg i Vestre Fredrikstad krk. [4/12-1882](#)[\[#54\]](#) med **Andrea Kristiansen**, dtr til *matros* **Anders Kristiansen**. Sonen **Thorleif Arnold** [A31](#) **Rognaas** kjem til verda 17/8- og vert dpt i Vestre Fredrikstad krk. [7/10-1883](#)[\[#108\]](#). Ved [FT1885](#) bur familien i Thorbjørnsensgade 390 i Fredrikstad. Dottera **Borghild Nathalie** [A32](#) **Rognaas** vert f på *Apenesbjerget* 16/12-1888, dpt Vestre Fredrikstad krk. [20/1-1889](#)[\[#5\]](#). [FT1891](#) har familien registrert på Apenesbjerget [\[#4\]](#). (Personskjema: [f.o.m](#) – [t.o.m](#).) - **Arnt Marius** [A3](#) er no «*Skipsfører*». Når teljinga i [1900](#) vart teke, er **Andrea** enkje. Ho og borna bur no i [Rathkes gade 9](#) i Kristiania kjøbstad. **Thorleif** [A31](#) er no «*Malerlærling*». Ved [FT1910](#) er han «*Malersvend*», gift med Kathinka f 1879 i Drammen. Dei bur i [Urtegaten 23](#) og har to døtre, **Klara Johanne** [A311](#) og **Astrid Kammilla** [A312](#). **Andrea** (*Sækkelapperske*) og **Borghild** (*Tobaksfabr.arb.*) finn vi ved teljinga [1910](#) i [Mandalls gate](#) 6/8 i Kristiania.

Konrad Nathaniel [A5](#) finn vi ved [teljing 1910](#) *losjerende* i [Tullingsgate 2b](#) i Kristiania. Han er då «*Sproglærer & journalist*». Han er med på eit fotografi av lærarpersonalet på [Hamar Katedralskole](#) – [sjå DigitaltMuseum](#).

Då stegar vi over til bror nummen to, *farver* **Knut** [B](#) **Larsson**. Utflyttingsattesta hans er datert [7/6-1852](#)[\[#14\]](#). Innflyttinga hans til Glemmen er bokført [juni 1855](#)[\[#98\]](#). Han «*opholder sig*» på Nygaardsgrund. – Han finn seg ein kjærast i nærområdet og [14/5-1858](#)[\[#12\]](#) giftar han seg i *Glemminge* krk. med **Grethe Alette Syversdtr** (Leie). Ho var dotter til **Syver Mikkelson** og **Mari Nilsdtr** og f 4/2- på [Kirkeleie](#), dpt [21/3-1830](#)[\[#13\]](#) og konfirmert [6/10-1844](#)[\[#45\]](#) i Glemmen krk. Ved giftarmålet er **Knut** [B](#) både i klokkar- og ministerialbok skriven «*Farvermester*».

Grethe Alette og **Knut** [B](#) vart foreldre til sonen **Sigvart Laurentius** [B1](#) f Nygaardsgrund 22/3-, dpt Glemmen krk. 25/4-1859, død [9/6-1959](#)[\[#63\]](#), gravl. 14/6 s.å. – Dottera **Betsy Marie** [B2](#) vart f 21/12-1861, dpt Glemmen krk. [2/2-1862](#)[\[#18\]](#) og konf [30/9-1876](#)[\[#17\]](#).

Farver og skolelærer **Knut** [B](#) **Rognaas** døyr på Nygaardsgrund [27/1-1863](#)[\[#10\]](#), gravl. 1/2 s.å. Diverre gjev korkje ministerial- eller klokkarbok ([6 mandkion](#)) noko årsak til dødsfallet. [FT1865](#) syner enkja og dottera busette i Kirkeleie løpenr. 331 i Glemminge sokn.

Betsy Marie [B2](#) gifta seg i Glemmen krk. [8/1-1886](#)[\[#2\]](#) med *cand.filos, lærer* **Martin Elias Ruud**. Han var f i [Svelvik](#) 3/8-, dpt [Strømm](#) prgj. [18/9-1864](#)[\[#67\]](#) og konf. i Fredrikstad [17/10-1880](#)[\[#3\]](#). Foreldra hans var *skipsfører* **Ole Olsen Ruud** og **Maren Elisabeth Brun**. Ved [FT1865](#) er familien busette på Bakke i Borge prgj., Østfold.

[FT1891](#) syner at familien no held til i Glemmen. **Martin Elias Ruud** er *journalist og litterat*. Familien har to born, **Marie** [B21](#) f 1887 i Kristiania og **Gudrun** [B22](#) f 20/4-, dpt i Glemmen krk. [15/6-1890](#)[\[#72\]](#). - **Martin Elias** reiser [14/7-1891](#) frå Kristiania med reisemål Quebec. Ein [profil hjå GENI](#) opplyser om at **Betsy Marie** [B21](#) og døtrene også tok reisa over til Nord-Amerika.

Grethe Alette Syversdtr døyde på Frydenberg, Glemmen [31/3-1900](#)[\[#20\]](#). Ho vart gravl. frå Glemmen krk. 7/4 s.å.

«*Treamann i vindé*» - yngste bror og meister – kan ein seie om **Halvor** [C](#) **Larsson Rognaas**. Han gifta seg i Skiptvedt krk. [2/10-1857](#)[\[#16\]](#). Han er ved dette høvet skriven «*Garvermester*». Brura heiter **Anne Dorthea Svendsdtr**, dotter til Gaardmand **Svend Ellefsen** (Eng) og **Helene Cathrine Rasmusdtr**. Ho var dpt [2/1-1836](#)[\[#10\]](#) og konfirmert [12/1-1851](#)[\[#1\]](#) i [Skiptvedt krk](#).

Halvor [C](#) er den av brørne som får den største ungflokken. Eldst er **Betsy Hanna** [C31](#) f 19/10-1858, konf Sarpsborg krk. [17/1-1875](#)[\[#3\]](#). **Lovise Sofie** [C32](#) f 20/11-, dpt Sarpsborg [9/12-1860](#)[\[#112\]](#), konf Sarpsborg [1/10-1876](#)[\[#5\]](#), død [24/1-1885](#)[\[#3\]](#). **Ragna Kaspara** [C33](#) f [Møllegaden](#) 30/9-, dpt Sarpsborg [14/11-1863](#)[\[#116\]](#), død [Møllegaden](#) [2/7-1862](#)[\[#33\]](#), gravl. 8/7 s.å. **Otto Emil** [C34](#) f [Møllegaden](#) 28/11, dpt Sarpsborg [31/12-1866](#)[\[#124\]](#), død [26/2-1866](#)[\[#15\]](#), gravl 3/3 s.å. **Emma Ottilie** [C35](#) f 29/3-, dpt Sarpsborg [19/4-1868](#)[\[#33\]](#). , død [1/4-1869](#) [\[#16\]](#). **Ragnval Kaspar Otto Emil** [C36](#) f 12/2-, dpt Sarpsborg [20/2-1870](#)[\[#21\]](#), konf Sarpsborg [28/9-1884](#)[\[#7\]](#). **Hilda Dorthea** [C37](#) f 31/10-, dpt Sarpsborg [31/12-1871](#)[\[#131\]](#),

konf Sarpsborg [3/10-1886](#)[#5]. **Emma Otilie** ^{C38} f 25/3, dpt Sarpsborg [19/4-1874](#)[#29], konf Sarpsborg [6/10-1889](#)[#1]. - Familien bur ved [FT1865](#) i Sarpsborg, ti år deretter, [FT1875](#), finn vi dei i *gaard no.* 256/257 i Sarpsborg.

Anne Dorthea Svendsdtr døydde i Møllegaden [27/12-1882](#)[#1] og vart gravl./jordfesta i Sarpsborg 3/1-1883. **Halvor** ^C gifta seg, som enkjemann, i Sarpsborg [14/6-1885](#)[#7] med **Hanna Ernstine Nærup**, f i Kongsberg 18/3-1842, dpt i [Kongsberg krk.](#) [22/7-1843](#)[#29] og konf same stad [8/5-1859](#)[#1]. Ho var dotter til kjøbmand (og ved [FT1865](#) *Forvalter ved Sølvværket*) **Hans Jørgen Nærup** og **Hanne Ernstine Gottwaldh**. Bror til **Hanna Ernstine**, Alfred Hagbarth Nærup, var [fogd i Totens fogderi](#) i tida 1897-1903.

[FT1885](#) syner at familien no bur i *Glængsgade* i Sarpsborg. No er berre dei to yngste døtrene til stades. **Betsy Hanna** ^{C31} er i [1885](#) *husjomfru* hjå foreldra til stemor si. I 1900 er ho *husbestyrerinde* på Kasbo (*Kasbu*) i Aremark. Ho er oppført i passasjerlista med [Montebello](#) frå Kristiania [8/9-1905](#) med reisemål Ohio, USA. [FT1910](#) syner at ho no bur saman med faren og stemora i [Stensgaten 4](#) i Kristiania. **Halvor** ^C og **Hanna** fekk i Sarpsborg utflyttingsattest til Kristiania i [desember 1891](#) [#5].

Eg har så godt som råd leitt gjennom folketeljingar og kyrkjebøkene for Sarpsborg og omland, men resten av barneflokken til H **Halvor** ^C greier eg ikkje å finne meir om !

Halvord ^C **Rognaas** er skriven med adresse Steensgate 4II i Kristiania ved dødsfall, [29/10-1917](#)[#79]. Gravferd er frå [Fagerborg krk.](#) 3/11 s.å.

Parallellnamn i Valdres og Hallingdal

Eg lova å koma med nokre tal frå folketeljingane om namna **Berit/Bergit** og **Marit/Margit**

Prestegjeld	1801		1865*		1910	
	Marit	Margit	Marit	Margit	Marit	Margit
Aurdal	363	0	647	4**	344	123
Slidre	278	0	613	0	463	132
Vang	140	0	114	0	114	79
Valdres	781	0	1374	0	921	334
Nes	1	240	0*	172*	4	339
Ål	0	183	0	257	1	252
Hallingdal	1	423	0	429	5	591

Namn	Berit/Beret	Birgit/Bergit	Berit/Beret	Birgit/Bergit	Berit/Beret	Birgit/Bergit
	Aurdal	163	0	159	1	123
Slidre	97	1	150	0	132	10
Vang	80	0	79	0	90	17
Valdres	340	1	388	1	345	38
Nes	0	233	0*	129*	20	295
Ål	0	275	0	374	1	354
Hallingdal	0	508	0	503	21	649

Prosentdel av namna i teljingane:

Namn	Valdres			Hallingdal		
	1801	1865	1910	1801	1865*	1910
Teljing år	100	100	73,4	0,1		0,9
Marit			26,6	99,9	100	99,1
Margit						
Berit/Beret	99,7	99,7	87,8			3,1
Birgit/Bergit	0,3	0,3	12,2	100	100	96,9

* [Teljinga 1865 for Gol prgj.](#) (Gol/Hemsedal) manglar

** Margitene i Aurdal er alle fødte i Hallingdal (Både Margit og Birgit vert uttala*jit.* [\[Birjit Lien\]](#))

- Det er stor skilnad over ein låg ås Kven som er lettast å påverke – det kan de døme sjølve !
Sjå òg. «*Norsk navnebok*» [side 70](#) (*Brigitta*) [side 160](#) (*Magræta*)

Den fjerde meisteren* – også frå Ulnes sokn

Han sytte for at «[på ridestellet skal ein storfolk kjenne](#)» !



Kvinnesal

Foto lånt av «[DigitaltMuseum](#)»

For å få litt balanse over [Ulnesbrué](#) får vi no ta turen til austsida av Strøndafjorden. **Bendik Tomasson (1801-1847)** og **Randi Olsdotter (1804-)** i [Søllepladsen\(kart\)](#) vart 7/9-1834 foreldre til ein gut som fekk namnet **Thomas** i Ulnes kyrkje [28/9 s.å.\[#68\]](#). Han er barn nummer tre i ein syskenflokk på ni. Han vart konfirmert i Ulnes krk. [28/10-1849\[#3\]](#). I [1855\[#332\]](#) er **Randi Olsdatter (enke efter Bendik Thomassen i Udnæs)** innført som innflytta til Domkirkens sokn i Kristiania. - Flytteattesta frå [sokneprest Melbye](#) er datert 10/7-1853. Ho er notert å vera 52 aar – «*Opgiven hensigt med Ind-flytningen*» er «*for at sælge Bøger*».

Kva tid **Thomas** Bendikson reiste frå Ulnes har eg ikkje funne noko om. Då han giftar seg, i Tune prgj. I Østfold, [30/12-1856\[#76\]](#) er det skrive at han er «*Ungkarl Sadelmager*» og «*Født i nordre Ourdahl, værende i Christiania*». (Ei eldre syster vert gift i [Blaker](#), ein yngre bror vert gift i Kristiania). Han er ved giftarmåler skriven **Thomas Bendichsen Ulnes**.

Hellene Halberg heiter jenta **Thomas** giftar seg med. Ho vart f i [Fredrikshald](#) 29/12-1836 og dpt i [Fredrikshald krk.](#) [24/6-1838\[#31\]](#). Ho vart konfirmert i Tune krk. [8/10-1851\[#125\]](#). Foreldra hennar var **Snedkermester Lars Gustav Halberg** og **Sophie Olsdr.**

Hellene og **Thomas** får borna **Lars Bernhard** f 15/8-, dpt [Tune krk.](#) [20/9-1857\[#213\]](#), konfirmert Sarpsborg [8/10-1871\[#4\]](#). **Sofus Reinhardt** f 18/5-, dpt Sarpsborg [19/6-1859\[#35\]](#), konf. Sarpsborg [25/1-1874\[#12\]](#). **Haakon Thorvald** f 12/10-, dpt Sarpsborg [28/12-1862\[#91\]](#), konf Sarpsborg [25/1-1877\[#14\]](#). **Thora Hedvine** f 20/2-, dpt Sarpsborg [30/4-1865\[#38\]](#), konf Sarpsborg [5/10-1879\[#18\]](#).

[FT1865](#) syner at familien bur i *St Olavs Gaden* i Sarpsborg. No har **Thomas** med seg [Syver J Christiansen\[#12\]](#) frå *Skjætved* (Skiptvet) som *Sadelmagerdræng*. [Teljinga i 1875](#) fortel at familien bur i *Gaard nr. 45,113* i Sarpsborg. Eldste son, **Lars Bernhard** har no yrke *Maler*. Svigermor **Sofie Olsdotter (Halberg)** bur på same adresse saman med broren Ole Olsen Næs og barnebarnet Marie Halberg([1865](#)). Ved FT1885 er **Sofie** registrert saman med barnebarnet **Lars Bernhard** og familien hans.

Gift sadelmager Tomas Bendiksen Ulnes, Torvgd 45, døyr [21/7-1881\[#12\]](#). Han vert gravlagd 26/7 s.å. og jordfesta same dag.

Lars Bernhard Ulnæs har truleg gifta seg kring 1878. Ved [FT1885](#) bur han i Torvgaden 45 i Sarpsborg saman med kona **Oline Andersen**. Ho var f 9/10- på Nibeholmen i Varteig og vart dpt i Tune prgj. [2/11-1856\[#295\]](#). Hennar foreldre var «*arbeidsmand*» **Anders Olson** og **Elisabeth Mathisdtr.** **Oline** og **Lars** har ved teljinga borna **Helga Seline** f 1878, **Thora Amalie** f Møllegaden 11/4-, dpt Sarpsborg krk. [11/7-1880\[#24\]](#). **Olaf Bendik** f Torvgaden 19/3-, dpt Sarpsborg krk. [22/4-1883\[#14\]](#) og **Aksel Rudolf** f 1883?. **Reinhardt** vart f Torvgaden 3/6-, dpt Sarpsborg [29/8-1886\[#23\]](#). Han vart snøgt morlaus, **Oline Ulnæs** døyr av tæring [20/12-1886\[#43\]](#) og vert gravl./jordfesta 24/12(julaftan) s.å.

Enkjemann **Lars Bernhard Ulnæs** gifta seg i Sarpsborg [8/4-1890\[#5\]](#) med **Anna Cathrine Simensen**, f Kjerringbråten 29/11/1867, dpt Skjeberg [23/2/1868\[#16\]](#), konf Skjeberg [1/10/1882\[#4\]](#). Ho er dotter til skomakar **Erik Simensen** og **Olea Andersdtr.** - Dei hadde nok kjent kvarandre ei god tid før dei gifta seg, dei fekk dottera **Dagny Sofie** f Torvgaden 16/3-, dpt Sarpsborg [25/8-1889\[#35\]](#). Sonen **Tomas Bendik** vert f Torvgaden 1/1-, dpt Sarpsborg [12/4-1891\[#14\]](#).

Familien bur ved [FT1891](#) i Torvgade 46, - [Husliste #13](#). På [personskjema](#) er **Lars Bernhard Ulnæs** skriven *Malermester*. Døtrene frå 1. ekteskap, **Helga Seline** og **Thora Amalie** samt **Dagny Sofie** og **Tomas Bendik(Udøbt)** Her finn vi og [personskjema](#) til. **Sofie Halberg** driv kaffehandling på same adresse. **Helga Seline** gifta seg i Sarpsborg [5/2-1899\[#7\]](#) med telefonarb. **Kristian Vestberg**, f 5/4-, dpt Sarpsborg [17/8-1873\[#78\]](#), konf Sarpsborg [2/10-1887\[#4\]](#), son til **Hans** og **Karoline Vestberg**.

Amelie Lovise Ulnæs vert f Torvgaten 14/5-, dpt Sarpsborg [17/9-1893\[#33\]](#) Ho får ikkje lang tod saman med mor si – [30/6-1897\[#14\]](#) døyr **Anna Cathrine** av tuberkulose. Ho vart gravl./jordfesta i Sarpsborg 6/7 s.å.

Ved [FT1900](#) er *Malermester* og enkjemann **Lars Ulnæs** midlertidig busett i Karl Johans Gade 171 (*Syge og Fattighus*) i Sarpsborg kjøpstad. **Amelie Lovise** er no «*leiebarn*» i husstanden til *snedker* Hans Hansen. **Lars Ulnæs** «*nyder Fattigunderstøttelse*» ved [FT1910](#), då er han busett hjå dottera **Helga Seline** på Nybølhaugen gnr 49/11 i Skjeberg. *Enkemand, maler Lars Bernhard Ulnæs* er reg. med bustad Syverstadlia i [Ingedal](#) i Skjeberg då han døyr av tæring [2/7-1916\[#0\]](#). Han vart gravlagd i Skjeberg [7/7 s.å. \[#1\]](#).

Den femte meisteren – han var skreddar

For å utstyre ein soldat trengst både våpen, sko og klede. I denne stubben skal vi slå lag med far og son - bære nytta tøy - og hadde saks, måleband, nål og tråd som yrkesreidskap. Ein «skreddarstatistikk» finn de i slutten av stubben «[Skreddaren frå Landmarksbråten](#)».



Slik såg det ut på Sagabakka hausten 2010 -foto OHF

Lars Timannson vart fødd på [Sagabakka](#) 11/8-1820. Han vart døypt i Aurdal kyrkje [13/9 s.å.\[#37\]](#). Foreldra hans var [Timann Olson](#) og [Margrete Larsdotter](#). **Timann** var døypt [6/3-1796\[V.side,7.ovanfrå\]](#) og konfirmert [22/7-1810 \[Hside,Vspalte,17.nedanfrå\]](#). Ved [FT1801](#) er han registrert saman med foreldre, fire brør og to systre som husmannsfolk under «[Bøe Vester](#)» i Aurdal hovudsokn, Han gifta seg [28/12-1820 \[#39\]](#) med **Margrete Larsdtr** (Sørom). Ho kom til verda i [Merkji](#) og vart døypt i Aurdal [17/1-1796 \[Vside,nedst\]](#). Vi finn henne i [FT1801](#) på [Sørei](#)(Sørom) i Aurdal hovudsokn – Sonen **Ola Timannson** vart f 12/12-1822 og dpt i Aurdal krk. [19/1-1823\[#3\]](#).

Familien har flytta til Kristiania innan året 1825. Dottera **Anna Dorthea** vart f 5/7- og dpt i Garnisonskyrkja [28/8-1825\[#77\]](#), det ser ut til at familien no budde hjå Johan Lund i [Pibervigen](#). **Timann** er då [Dalskrædder No 11](#). Pibervigen var tilhaldsstad også då dottera **Marie Margrethe** vart døypt [24/8-1828\[#47\]](#). **Margrete Larsdtr** døydde i Pibervigen [26/9-1831\[#42\]](#) .og vart gravlagd frå Garnisonskyrkja 3/10-1831. Ved dette høvet er ektemannen notert som «[Skrædder No 72 ved Arm Xserkp](#)».

Karen vi skal verta med vidare i denne stubben, **Lars Timannson** stod til konfirmasjon i [Garnisonskyrkja](#) i Kristiania [26/4-1835\[#16\]](#). - [13.juni 1851\[#77\]](#) finn vi *Ungk:skreddersvend* **Lars Tideman** som brudgom i [Vår Frelzers krk.](#). Brura er skriven *Jomfru Andrea Marie Christophersen*. Ho var f 14/5- i Kristiania og dpt i Vår Frelzers krk. [3/7-1831\[#73\]](#). Ho var dotter til *skomagermester Christopher Christophersen, Opvarter hos Justitiarius Mandix og hustru Maren Helene Hansdatter sammesteds* .(Hjå DIS-slektsforum finn ein ei [drøfting kring Maren Helene](#).) -**Andrea Marie** var konfirmert i Vår Frelzers krk. [19/4-1846\[#16\]](#).

Så har **Andrea Maria** og **Lars** flytta til Moss. Ved [FT1865](#) er dei registrert busette i [Konggaden](#) 123 i Moss kjøpstad. Dei nytta Tidemann(Thidemann) til *etternamn*. og hadde då fått fire born, alle fødte i Moss og døypte i [Moss krk](#). Eldst var **Hilda Marie Antonie** ^A f 29/8-1852, dpt [12/6-1853\[#71\]](#), konf [28/4-1867\[#2\]](#). **Charlotte Lovise Marianne** ^B f 26/8-1854, dpt [9/4/1855\[#48\]](#), konf [3/10-1869\[#10\]](#). **Anne Dorthea Helene** ^C f 16/7-1858, [dpt 2/1-1859\[#2\]](#), konf [5/10-1873\[#5\]](#). **Harald Mandix** ^D - (han fekk vel namnet etter assessor (Justitiarius) Jørgen Mandix, som morfar hans hadde vore oppvarter for) – f 6/10-1862, dpt [8/2-1863\[#8\]](#), konf [28/4-1878\[#10\]](#).

Konggade 111 er bustadsadresse for familien i [FT1875](#). **Lars** vart enkjemann 6. september dette året. **Andrea Marie** vart gravlagd [11/9-1875\[#97\]](#). **Lars** har ved FT1875 to skreddersveinar og ein skreddarlærling i arbeid

Utvalsteljinga for byar og kjøpstader i 1885 plasserer *skræddermester* **Lars Thidemann** i Kongensgade 9 i Moss. Sønen. To nye born er komne til i barneflokk, **Anton Hjalmer** ^E f 23/9-, dpt [30/12-1869\[#161\]](#), konf [5/10-1884\[#8\]](#) og **Carl Olaf Bjerregaard** ^F f 8/9-1872, dpt [14/4-1873\[#45\]](#), død [14/12-1885](#). **Harald Mandix** ^D og **Anton Hjalmer** ^E har bære *Sømand* som yrkesnemning.

[Kongens Gade 9](#) er adressa til skreddermester **Lars Tidemand** også i [FT1900](#). Ministerialboka for Moss bysokn fortel at **Lars** døydde på Moss sjukehus [30/9-1904\[#33\]](#). Dødsårsak er notert som «[Hypertrofin prostata](#)». Han vart gravlagd ved Moss kyrkje 7. juni 1904.

Matros **Anton Larsen Tidemand** ^E er skriven som far til jenta **Antonie** ^{E1} f 19/9-, dpt Moss [26/12-1887\[#125\]](#) – mor til jenta heiter [Kristine Antonsen](#). [FT1910](#) syner at **Antonie Tidemand** då er *fabrikarbeiderske (ved preservering)* og busett i Henr. Gernersgt 5 i Moss kjøpstad.

Om dei neste familieane kan eg vel si som [Ingri Espelid Hovig](#), eg har «*juksa lite*» - ved å finne ein [GENiprofil](#) som har mykje info om eldste dotter til **Lars Tidemann**.

Hilda Marie Antonie ^A gifta seg [23/9-1876\[#40\]](#) med *skibsfører* **Haakon Jacob Marinius Schaad**. Han var f 28/10-, dpt i Moss [5/12-1847\[#155\]](#) og konf [5/10-1862\[#4\]](#). Han var son til sadelmagermester [Johan J Schaad \(frå Schaffhausen i Sveits\)](#) og [Maren Jacobsen](#). Familien budde i [1865](#), tilliks med Tidemannfolket, i Konggaten i Moss, i [FT1875](#) finn vi dei på Radet i Moss.

Maren Hilda Andrea ^{A1} vart namnet eldste dotter til **Hilda Marie** ^A og **Haakon Jacob Schaad** fekk i Moss krk. [26/12/1878\[#85\]](#) – ho var f 31/10 og vart konfirmert [9/4-1893\[#8\]](#). Så kom **Emmy Magdalene** ^{A2} f 17/5-, dpt [3/7-1881\[#42\]](#), konf [12/4-1896\[#43\]](#). **Håkon** ^{A3} f 19/4-, dpt [29/6-1884\[#76\]](#), konf [9/4-1899\[#1\]](#). **Ruth** ^{A4} f 20/8-, dpt [25/12-1890\[#124\]](#), konf Moss Landsokn [7/4-1907\[#20\]](#). **Herdis** ^{A5} f østre Kanalgt. [17/12-1894](#), dpt [7/4-1895\[#15\]](#) konf Moss landsokn [23/4-1911\[#3\]](#). - Familien har ved [FT1900](#) adresse *Walhal* gnr. 2/13 i Moss, i [FT1910](#) er det skrive *Valhal* gnr. 2/13 i [Grimsrød](#) teljegrins.

Ministerialboka for Moss landsoka fortel at *fhv. D/S kaptein* **Haakon Jacob Marinius Schaad** døydde av *Mavekræft* [29/4-1920\[#11\]](#) og vart gravl. 6/5 s.å. DISgravminner syner at **Hilda Marie Schaad** døydde [15/4-1930](#). Ho kviler på Moss gravplass.

Ruth Schaad ^{A4} gifta seg i Moss [27/10-1917\[#12\]](#) med kontorsjef **Hans Christian Mo**, f 10/11-, dpt Rikshospitalet, Kristiania [16/11-1917\[#200\]](#), konf Lunder krk, Ringerike [30/9-1906\[#5\]](#). Foreldra hans var **Jens Severin Mo** (*opsynsmand*) og **Alette Amalie Bakke**. - **Hans Kristian** døydde [11/6-1952](#), **Ruth** ^{A4} døydde [4/2-1974](#), etter opplysningar frå DISgravminner.

Herdis Schaad ^{A5} vart gift med *landbrugskandidat* **Leo Alf Hovind** [17/4-1919\[#4\]](#). Han var fødd i Tvedestrand 14/4-, dpt [19/4-1895\[#42\]](#), son til [Elisabeth](#) og [Harald Hovind](#). Harald Hovind var rektor ved «[Den høyere skolen](#)» i [Tvedestrand](#) i åra 1882-1921. **Alf Hovind** er nemnt som forfattar av fleire artiklar i årbøker for «[Historielaget for Dypvåg, Holt og Tvedestrand](#)».

Maren Hilda Andrea ^{A1} fann seg ektemann frå Tønsberg. **Kristian Didrik Walbom**. Ved giftarmålet, i Moss [6/12-1896\[#29\]](#) er han *Kjøbmand* [Manufaktur](#). Han var f 19/11-, dpt i Tønsberg krk. [16/12-1866\[#159\]](#) og konfirmert i Tønsberg [16/4-1882\[#14\]](#). Ved FT1875 bur han saman med mor si enkje Berte [Marie](#) (Olsen) og dei eldre syskens [Alvhilde](#) og [Carl Johan](#) i [Nedre Langgade 28](#) i Tønsberg. Far hans, *Skibsfører* [Carl Johan Walbom](#) døydde, 52 år gamal, [28/9-1868\[#83\]](#) *paa Rigshospitalet i Christiania – men begravet her*(Tønsberg).

[FT1900](#) plasserer familien saman med foreldra til **Maren Hilda** ^{A1}, i *Walhal* gnr. 2/13 i Moss. Dei har no to døtre, **Edel** ^{A11} f 15/10-1897, dpt i Moss [16/1-1898\[#1\]](#), konf Moss [1/12-1912\[#2\]](#) og **Didi** ^{A12} f 9/5-, dpt [2/7-1899\[#14\]](#), konf Moss landsokn [9/5/1915\[#20\]](#). Innan teljaren kom innom i [1910](#) hadde familien auka med tre nye born. **Didrik Schaad** ^{A13} f *Valhal* 6/4, dpt Moss landsokn [2/6-1904\[#8\]](#). **Tordis** ^{A14} f Sole 8/10-, dpt Moss landsokn [13/12-1908\[#27\]](#) og **Hilde** ^{A15} f Sole 23/3-, dpt Moss landsokn [12/6-1910\[#25\]](#).

Frå kyrkjeboka finn ein at **Edel** ^{A11} gifta seg [23/10-1926\[#9\]](#) med *bankfullmektig* **Mauritz Anrold Gjestland**, f 29/8- i Peder Clausgt 18 i Stavanger, dpt [11/10-1896\[#100\]](#) i [Stavanger domkrk](#). Han døydde [20/1-1985](#) medan **Edel** døydde 9/7-1986. Dei kviler bae på Legård gravplass i Stavanger.

Didi ^{A12} fann seg ein ektemake som var fødd i Minneapolis i Minnesota. Hen heitte **Ingvar Cornelius Lund** og var konfirmert i Østre Bærum [24/9-1905\[#35\]](#). Ekteskapet vart stuttvarig, Ingvar døydde av *tyfus* på *Epidemilasarettet* [19/8-1921\[#12\]](#), gravl. Moss landsokn 24/8-1921. Eg vil tru at det er **Didi** ^{A12}, med etternamn Norling, vi finn hjå DISgravminner med dødsdato [8/12-1991](#) og gravl. ved Jeløy krk.- **Didrik Schaad** ^{A13} er og registrert hjå DIS med dødsdato [5/10-1997](#) og siste kvilestad ved Moss krk.

Etterslekt til **Lars Tidemann** bur framleis i Moss, men dei kjende ikkje til at dei hadde aner frå «[Perla mellom dalane](#)»

Ved gjennomgang av kyrkjebøker for Moss fann ein m.a. kjende namn som [Per Kure](#) © og [Helly Hansen](#) ©.

Maskinisten på dampskipet «KongHaakon»

6. november 1858 [#18] turar pigen Anne Gudbrandsdotter Raknerud bryllaup med ungarl og Maskinist paa *Dampskibet Haakon*, Ole Syversen. Ministerialboka for Trøgstad fortel ikkje kva kyrkje paret vart vigde i, men *Båstad kyrkje* er vel mest truleg. Der er notert at brudgommen hadde fødestad «Vang i Valdernes», men det er ikkje rett! (Det er ein bokstav frå å vera rett ...)

Ola var fødd på *Ølmhuseige* i Bagn sokn, Sør-Aurdal prgj. 18/12-1834 og vart døypt i *Bagn kyrkje* 23/1-1825[#11]. Her vert han og konfirmert, 25/8-1839[#12]. Han var eit såkalla «Uægte» barn, foreldra var «Ungk Syver Syversen Olmhus og pige Gunhild Andersd Olmhuseje». De kan lesa om dei i «Gard og bygd i Sør-Aurdal», band B, sidene 546 og 559. Lovgjeving i samband med juridisk høve mellom far og barn finn de i ei oversikt på nettsida «farskap.no». Eg tek meg her fridom til å syna ein statistikk om born fødde utanfor ekteskap i det tidlegare «Ourdahl prestegjeld» for åra 1824-1826:

År /Kjønn	"Uekte fødde"				Døyppte i alt				Samla		Totalt	% "uekte"
	Sør-Aurdal		Nord-Aurdal		Sør-Aurdal		Nord-Aurdal		K	M		
	K	M	K	M	K	M	K	M				
1824	4	6	4	3	51	77	47	50	98	127	225	7,56
1825	7	3	5	3	78	67	68	79	146	146	292	6,16
1826	3	2	0	4	75	91	53	80	128	171	299	3,01
Sum/middel	14	11	9	10	204	235	168	209	372	444	816	5,39

Litt meir lesestoff her: [1](#), [2](#), [3](#)

Det er inga utflyttingsmelding innført for Ola Syverson i ministerialboka for Sør-Aurdal, men ministerialboka for Trøgstad syner at han i september 1858[#40] leverte «attest» datert 18. juli 1858 frå «Bagn Søndre Aurdal præstegjeld i Valdernes». «Opgiven hensigt med Indflytningen» er «at gifte sig». [Eg har i ofte sett at det er vanskeleg å få korrekt «dobbel bokføring» med ut- og innflyttingsmeldingar.]

Anne Gulbrandsdotter var f på *Skrammerud* i Trøgstad prgj. 24/8-, og vart dpt i *Trøgstad krk.* 15/9-1833[#35] og konfirmert 1/10-1848[#12]. Slik eg tolkar «presteskifta» er foreldra hennar *pige Inger Askildsd Brastad* og *Gulbrand Evensen Riser*. Dei gifta seg i Trøgstad 12/10 1833 [#17].

Anne Gudbrandsdotter og Ola Syverson (eller Ole Syversen, slik det er skrivne i kyrkjebøker og manntal) vert foreldre til desse borna: **Jens Sigvart** ^A f 23/8- (han er skriven uægte), dpt 6/11-1858[#120], konf 12/10-1873[#4]. **Gunhilda Amalie** ^B f 30/12-1864, dpt 22/1-1865[#6], konf Båstad krk. 12/10-1879[#1]. **Magdalene Emilie** ^C f 6/9-, dpt 26/9-1869[#106], konf Båstad krk. 19/10-1884[#1]. **Anna Otilie** ^D f 22/3-, dpt 19/4-1878[#3], konf Båstad krk. 9/10-1882[#1]. Dei tre yngste borna har *Vashagen* (af/til *Sand*) notert som fødestad. Ola Syverson er i samband med alle borna skriven «Maskinist».

Familien er ved *FT1865* busett i *Vashagen* lno.283ba i Båstad sokn i Trøgstad prgj. Det er inga transkribert/skanna teljing å finne for Trøgstad i 1875. *FT1891* fortel at dei bur på gnr. 174/3 i Trøgstad herad. (Husliste#31, Personskjema: [1](#), [2,3](#), [4](#).) No er Ola maskinist på *Dampskibet Glommen*. Dampskipsfører Karl Larsen finn ein på neste personskjema.

25/1-1893[#2] dreg Ola Syverson sitt siste andedrag. Dødsårsak er «hjerneslag» er det notert i kyrkjeboka. Han vert gravlagd/jordfesta ved Båstad krk. 3/2 s.å.



DS Strømmen ved kai i Lillestrøm (Bilete lånt frå lillestrøm-turistkontor.com)

På **Gunhilda Amalie** ^B sitt personskjema for FT1891 er det notert at ho er «*midlertidigt Fraværende*» og med «*antageligt Opholdssted*» [Kikkelsrud](#), Askim. - [9/5-1892](#) [#13] får ho frå Båstad sokn utskrive utflyttingsattest med reisemål Askim. Dagen etter, [10/5-1892](#) [#17] vert ho gift – *uden lysning, kgl bevilgn af 7/5-92*, i [Jakobs krk. i Kristiania](#), med *fabrikbestyrer Anders Kristensen Furuholmen*. Han var f på [Furuholmen](#) i Varteig 30/9-, dpt [16/11-1845](#) [#298] i Tune prgj. konfirmert i [Varteig krk. 1860](#) [#76]. Foreldra hans var [Christian Rasmussen](#) og [Gurine Amundsdr.](#) – Vi finn dette paret i ein [profil hjå GENI](#). Opplysningar hjå «[MyHeritage](#)» (som ein alltid bør dobbeltsjekke) fortel at **Anders** var gift fire gonger. Om fyrste ekteskapet hans kan de lesa hjå [Varteig historielag](#). Ekteskapet med **Gunhilda** er tredje ekteskapet hans. – Om nokon undrar seg på om **Anders** har tilknytning til entreprenørselskapet Furuholmen, er svaret ja. Anders er bror til Richard Furuholmen, bestefar til grunnleggaren, [Thor Furuholmen](#).

Gunhilda Amalie ^B og **Anders Furuholmen** vart foreldre til sonen **Kristian Ottar** ^{Bl} f på Kykkelsrud 21/6-, dpt i Askim prgj. [31/7-1892](#) [#23]. Den vesle guten mista mor si ei veke før han vart døypt. **Gunhilda** døydd [23/7-1892](#) [#11] og vart gravl./jordf. 30/7 s.å. Dødsårsak notert i KB ser for meg ut til å vera «*En Værk i Ryggen*», men denne skrifta til Askimpresten er ikkje av dei som minner mest om malen i skjønnskriktbøker. Sonen, **Kristian Ottar** ^{Bl} får heller inga langt liv. Han dør av «*Kighoste og Lungebetændelse*» [16/1-1893](#) [#2] og vert gravlagd 21/1 s.å.

Magdalene Emilie ^C fekk frå Båstad [2/10-1899](#) [utan nr.] utflyttingsattest med reisemål Bergs prgj. Vi finn henne i [FT1900](#) busett på [Femsjø](#) teglverk i Berg herad ved Halden. (Teglverket låg ved [Gjelnes](#), nær Asak kyrkje etter opplysning på side 33 i «[Undersøkeøse over norske lærer](#)»).

Magdalene Emilie ^C er no gift med **Johannes Johanson**, f 1867 i Sverige. Han «*Reiser som lægprædikant*». Dei får døtrene **Ruth Emilie** ^{C1} f 30/1-, dpt Asak krk. [27/5-1910](#) [#5], konf Trøgstad krk. [3/10-1915](#) [#13] og **Agnes Johanne** ^{C2} f [Heer nordre](#) 27/6-, dpt Trøgstad krk. [12/8-1906](#) [#22], konf Trøgstad krk. [2/10-1921](#) [#9]. (I [pantebøkene](#) er gardsnamnet skrive Heier)

Vi finn familien busett på Heer nordre gnr 82/3 i Trøgstad ved [FT1910](#). Mor til **Magdalene**, **Anne Syversen** bur hjå dei. **Anne** dør på Heer [10/6-1914](#) [#8] og vert gravl. ved Trøgstad krk. 18/6 s.å.

Eg går ut frå at det er gravsteinen til Emissær **Johannes Johansen** og **Magdalene Johansen** vi finn på Trøgstad kyrkjegard hjå [DIS-gravminner](#). **Magdalena** døydd 18/10-1956, **Johannes** døydd [28/12-1919](#) [#1], gravl./jordf. 9/1-1920.

Agnes Johanne Jensen f 27/6-1906 kviler på Østre Aker kirkegård. Ho døydd iflg. [DIS-gravminner](#) 24/7-1996 og vart gravl. 31/7 s.å.

No har mange frå «gamle Ourdahls præstegield» vorte presentert, Kanskje det er på tide å sveipe innom Slidringar og Vangsgjeldingar

Ifrå Lykkjun til «enaste stedet i Norge som er nevnt i salmeboka»



Ministerialboka for Råde fortel at **Kari Thoresdatter**, 32 år gammel – fødstad *Slidre i Valdres*, gifta seg [17/12-1831](#) [#22] med enkjemann **Johan Fredrik Lorentsen**, 52 år – f. Jerndal i Råde. Her har nok skrivaren av kyrkjeboka «teke historia på forskot» - eller kanskje han var «sanndrøymt».... - Gardsbruka i Lykkja vart 1/1-1882 overført frå Vang kommune til Øystre Slidre kommune. Dei fekk i Øystre Slidre gardsnummer 1, bruksnummer 1-4 (sjå [soknehistorikk Ø Slidre](#)).

Kari var fødd 3/10-1819, heimedøpt 5/10-. Heimedåp vart stadfesta av [sokneprest Christie](#) i [Slidredomen 14/11-1819](#) [#6]. Innførsla er å finne i klokkarboka for Vang prgj. I kolonna for «*Forældrenes Navn, Stand, haandtering og Boepæl*» er skrive: Thore Gullicksen Lykken og Anne Knuds huusmandsfolk under MosagersLykkjen i Hurums Annex. **Kari** vart konfirmert i [Volbu kyrkje 2/8-1835](#) [#3], no var det *personæl Capelan Christie (Nils Wolf Christie)* som konfirmerte ungdommane ved dette høvet.

Foreldra til **Kari** gifta seg i Høre stavkrk. [4/9-1819](#) [#4]. Tore er då skriven *Bejtoe, ungarl*, 33 år gml. medan Anne er 36 år, *enke* med bustad Lykkjen. Ho vart skriven *pige* då ho gifta seg med ungarl Ole Knudsen Lykkjen [26/10-1811](#) [Hside,øvst]. Tore Gullikson finn vi døpt i Hegge krk. [17/11-1785](#) [Vside,3.nedandrå]. Han er nemnt i «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*», band A side 45.

Johan Lorentsen kom til verda i [Jerndalen](#) under Tomb og vart døpt i Råde prgj. [1/11-1795](#) [Hside,Hspalte,4.nedanfrå]. Ved [FT1801](#) finn vi han saman med to brør, fire systre og foreldra, Lorentz Hansen og Grete Johannesdtr, husmannsfolk under [Tomb Sædegaard](#) i Råde prgj. Johan vart konfirmert i Råde [17/12-1813](#) [Hside,Hspalte,#9].

Johan gifta seg fyrste gong i Råde prgj. [23/4-1832](#) [#9] med Helle Jensdtr Krogstad. Sonen Johan Christian vert f 27/7- og dpt [30/8-1835](#) [#63]. Carl Ludvig vart f 7/5-., dpt [28/6/1840](#) [#37]. Helle Jensdtr døydde i Jerndalen [5/7-1850](#) [#30], gravl 8/6 s.å.

[FT1865](#) syner at **Kari Toresdtr** (skrive *Karen* med fødestad *Vang i Valdres*), **Johan Fredrik** og sonen frå fyrste ekteskapet hans, Johan Christian, er busette i Jerndal, 3. teljekrins i Råde sokn og prgj. At Johan Christian er notert som «deres Søn» - veit vi er feil informasjon.

Husmann **Johan Fredrik Lorentzen** døydde i Jerndalen [3/5-1870](#) [#22] og vart gravl. 11/5 s.å. Boka «*Tomb: frå Simon Kåreson til Tomb jordbruksskole*» fortel på [side 62](#) at **Kari Toresdtr**, enkje etter Johan Fredrik Lorentzen vart utsagt frå øvre Jerndal i 1870.

Fattiglem, enke **Karen Thoresdatt** f 1815, *Løkken i Valdres*, døydde av *Influenta* på [Karlshus](#) i Råde [10/2-1890](#) [#5]. Ho vart gravlagt og jordfesta i Råde prgj. 16/2 s.å.

- o i neste stubb får vi flytte oss frå «*anneksa*» til «*hovudsøknè*» i Vang ...



Salmakarmeister

og

Mossekråke



Erik (1872-), salmakar i ^{Moss}Mosjøen, g. m. Kristine Fran


Hugs å verifisere **opplysningar** du finn
i sekundærkjelder – t.d. bygdebøker

I [FT1900](#) for Moss kjøpstad er *Sadelmagermester Erik Ovesen Berge* f 1875, *Vang Valdres* Krs. (Kristians Amt) registrert busett i [Kongens gade](#) 16. Han er registrert med [familiestillingskodene](#) *hf el* – husfar og einsleg losjerande.

Erik var fødd på [Bergji](#) i Vang hovudsokn 20/6-, dpt i [Vang kyrkje 14/7-1872](#)^[#42]. Han vart konfirmert i [Ås krk.](#), Vestre Toten prgj, [2/10-1887](#)^[#20]. Foreldra hans var [Ove Oveson](#) og [Dorte Torsteinsdtr](#). Dei finn vi busette på [Ripe](#) gnr 6/1 i Vestre Toten ved [FT1891](#) saman med 3 av brørne til Erik.

[13/5-1903](#)^[#17] gifta Erik seg i [Moss krk.](#) med **Kristine Andersdtr Framstad**. Giftarmålet vart og notert i ministerialboka [for Lillehammer](#)^[#0]. **Kristine** var f ved [søndre Jørstad](#) i Fåberg 28/11-, dpt i [Fåberg krk.](#) [26/12-1873](#)^[#142], konfirmert [28/4-1889](#)^[#66]. Ved [FT1875](#) er ho notert busett på *Stykket* lno. 124^{a,b} i saman med to sysken og foreldra, [Anders Larsen Framstad](#) frå Gran på Hadeland og [Gina Torgersdtr](#) frå Fåberg Dei gifta seg [23/11-1869](#)^[#20]. Teljinga i [1891](#) syner at **Kristine** er *Skrædderlærling hos Moderen* og busett på *Stykket* under gnr 104/1 i *Bakkerne* teljkrins i Fåberg.

Kristine og **Erik Oveson Berge** vert foreldre til dottera **Aase Margrethe** f 5/4-, dpt Moss [26/6-1904](#)^[#55] og **Lars Wangensten** f 19/5-, dpt Moss [18/6-1905](#)^[#64]. Ved [FT1910](#) held familien til i Herfortsgate 1 i Moss kjøpstad.



«*Gardar og Slektar i Vang*», band A, fortel på side 436 at **Erik Oveson** var salmakar i **Mosjøen**. Det er langt mellom **Mosjøen** og **Moss** om ein legg kartet som grunnlag, men berre fire bokstavar om ein ser på skriveform av stadnamnet. Kan forfattaren av «*Gardar og Slektar i Vang*» ha laga ein utydeleg kladd ???

- Verre er det at feilopplysningen vert vidareført – av formannen i Valdres Bygdeboknemnd ! - I artikkelen «*Kunstnar med smil og snert*» (Årbok for Valdres 2000) finn ein på side 249 «*Faren var fødd i 1872, og vart salmakar i Mosjøen*». Sjølv om han i neste spalte skriv at sonen var fødd i Moss, ser det ikkje ut til at han skjønar at han er medskuldig i å spreie feilopplysningar.

Læraren i Onsøy

[FT1865](#) for Onsøy prgj. Syner at **Ole O Tuff**, 24 år gml, fødd i *vestre Slidre Prgj.*, *ugift Skolelærer*, er *Logerende på Stene Store, Utne vestre og Gjølberg*.

Ola var f i [Tuv](#) 18/4-, dpt [15/5-1842](#)^[#44]. Han vart konfirmert [24/5-1857](#)^[#9]. Foreldra er i mini-sterialboka skrivne husmannsfolk **Ole Olsen Tuff** og **Marith Nielsdtr**. Då dei gifta seg i Slidre prgj. [9/3-1828](#)^[#5], er **Ola** skriven *TufsEjer* og **Marit** skriven *Rebne*. Mykje tyder på at **Ola** var fødd på **Belgji**iseige og dpt [28/4-1798](#)^[Vside,4.ovanfrå] i **Ulnes kyrkje** og busett på Belgji ved [FT1801](#). Han er komen til Slidre innan han vert konfirmert, i **Rogne kyrkje** [12/11-1814](#)^[#9]. **Marit Nielsdtr** var fødd utanfor ekteskap, ho vart døypt i **Røn kyrkje** [11/10-1795](#)^[Hside,øvst] og konfirmert i **Slidredomen** [2/8-1812](#)^[#21]. Ho døydde [25/9-1864](#)^[#27]. Ektemannen **Ola Olson** og sonen **Knut** finn vi ved [FT1865](#) busette i **Tuffsbraaten** i **Rebnes teljekrins**.

Kvar **Ola O Tuff** tok lærarutdanning har eg hittil ikkje funne, men sikkert er at han gifta seg i **Trefoldighetskyrkja** i Kristiania [12/6-1872](#)^[#76]. Brura heitte **Jessine Caroline Bay**, ho var f 12/6- og døypt i Aker [28/8-1841](#)^[#288]. Foreldra er skrivne *Copist Jess Bay* og *Caroline Evine f Olsen*. [FT1865](#) syner familien busette i **Holmens Gade 19, Trefoldigheds Menighed** i **Christiania**. **Jess Bay** er no *Bogholder* i **Enkecassen**. Ein [GENIprofil](#) har denne familien med.

[FT1875](#) plasserer **Jessine** og *Skolelærer Ole Olsen Tuff* på **Stene store**, lno 181a i **Onsøy**. Dei har truleg flytta til **Kristiania**. Innførsla av dødsfallet hans, [26/11-1880](#)^[#83] syner bustadsadresse **Helgesens gade 18**. Enkefru **Jessine**(*Jesfine*) **Tuff** er ved [FT1885](#) *Husbestyrerinde* med adresse **Toftesgade 60**.



Musketær



i Fredrikshald

Ungkarl og Corporal af Walderske Musketaer Corps, **Gudbrand Olsen**, 26 år gamal, gifta seg i **Fredrikshald** [5/9-1818](#)^[#12] med *pigen Sidsel Svendsd*, alder 26 1/2 år. Forlovarar var *Sergeant Anders Wiigh* og *Christian Nielsen*.

Ministerialboka for **Halden** syner at paret, innan dei gifta seg, hadde fått dottera **Gunnild Marie**, fødd 11/9-, dpt [27/10-1816](#)^[#74]. Ho døydde [3/2-1823](#)^[#9], gravlagd 10/2 s.å. Kyrkjeboka fortel at ho var 61/2 år gamal. I neste rubrikk er ei heimedøypt dotter med same namn, **Gunhild Marie**, notert død [7/2-1823](#)^[#10] og gravlagd saman med systera 10/2 s.å. Alderen hennar er oppgjeve til 10 dagar, dødsårsak: *Barnfeber*.

Sonen **Svend** var f 2/5- og dpt i **Fredrikshald** [4/7-1819](#)^[#37]. Han vart skriven *Sønstegaard* ved konfirmasjonen i **Berg krk** [28/9-1834](#)^[#20]. **Gunhilde Marie** f **Glende**(*Glenne*) 31/12-1823 i **Fredrikshald**, dpt [27/6-1824](#)^[#32], konf **Berg** [28/10-1838](#)^[#36], også skriven *Sønstegaard*. Det same vert **Anna**, f 4/10-, dpt **Berg** [31/10-1833](#)^[#28].

Svend Gudbrandson gifta seg i **Fredrikshald** [27/2-1842](#)^[#6] med **Sofie Ingebrigtsdtr**, dtr til **Ingebrigt Svenson** og **Ingeborg Danielsdtr**. **Sofie** var f 15/10-, dpt i **Berg** [17/10-1813](#)^[Vside,3.ovanfrå], konf **Berg** [1828](#)^[#18]. **Sofie** og **Svend** får borna **Adolf** f **Fredrikshald** 16/12-1847, dpt [16/3-1849](#)^[#21], konf [4/10-1863](#)^[#15]. **Georg Alfred** f 7/10-1851, dpt [31/5-1852](#)^[#38] og **Josephine Marie Charlotte** f 22/8-1855, dpt [20/3-1856](#)^[#22]. Ved [FT1865](#) finn vi familien i *Posnesgaden, gaard no.519* i **Fredrikshald kjøbstad**.

Ole Christiansen heitte karen **Gunhilde Marie** gifta seg med, i **Fredrikshald** [8/5-1847](#)^[#19]. **Ole** var fødd 26/3- og var døypt i **Eidsberg krk**. [2/4-1815](#)^[#26]. Vi finn ektefolka busette i **Fæstningsgaden 210** i **Fredrikshald** både ved [FT1865](#) og [FT1875](#). **Ole** er **Hoboist** (*Militærmusikk*). Svigerfaren, **Gudbrand Olson** og svigerinne **Anna**(*Anne*) bur no saman med dei. Ved [FT1900](#) er **Gunhilde Marie** enkje, ho bur framleis i **Fæstningsgaden 210**.

Ein **Gudbrand Olson** er skriven *Karstadeige* då han døydde, [16/2-1878](#)^[#15], gravl. ved **Berg krk** 21/2 s.å. - Om dette er «vår» **Gudbrand** – er eg ikkje heilt trygg på .. - heller ikkje kvar **Gudbrand** kom frå i **Valdres**. Kanskje han var ein av dei som vart sende til krig mot svenskane i 1814 – og sidan busette seg i **Halden**.



Jordemoder på Hvaløerne og kona til værftsarbeideren i Moss



... «[Dei tre mostrene](#)» i *Smaalenene* ...

[Farver](#) [Iver Østensen Leira](#) og kona [Anne Olsdtr](#) hadde med ei lita jente til dåp i [Skrautvål kyrkje 8/12-1872](#)^[#160]. Ho fekk her namnet **Nikoline** – og var komen til verda 30/10 s.å. Ho var, som namnet gjev ein peikepinn om, niande barnet i ungeflokken til Anne og Iver. Ved [FT1875](#) finn vi familien registrerte på [Leren](#), lno. 103B, i Nordre Aurdal prgj.

Nikoline vart konfirmert i Skrautvål [5/6-1887](#)^[#4]. [Teljinga1891](#) syner at ho er besøgende, hjå broren, smedemester [Østen Iversen](#), på Leira under gnr 24/3 i Nord-Aurdal. Det er notert at ho er «*Deltager i hus -og kreaturstell hos sine forældre*» på «*Gården Higdem i Etnedalens sogn*». Storesystema [Karoline](#) og [Otto](#) er no registrert busette på Leira.

[10/12-1899](#)^[#25] syner ministerialboka for Hvaler at **Nikoline**, *Jordemoder* med bustad [Sydeng](#), vart gift med sjømann **Hans Arnt Bårdsen**, bustad [Storengkilen](#). Kvar **Nikoline** tok utdanning som jordmor har eg ikkje funne opplysningar om, men for interesserte kan eg tilrå boka «[Hent jordmora](#)» hjå Nasjonalbiblioteket. **Nikoline** vart skriven *Jordemod* ved innførsla av innflytting i [1899](#)^[#56], men ho ser ut til å ha kome til Hvaler i 1894. Attesta ho synte fram var utferda av sokneprest [Wisløff](#) 12/10-1899. Det ser ikkje ut til at han har ført inn utflyttinga i kyrkjebøkene i Nord-Aurdal.

[FT1900](#) syner at **Nikoline**^[#012] og **Hans**^[#011]bur på *Nordre Sydengen*. Dei vart 28/7-1900 foreldre til **Mina Karoline** – ho vart døypt i [Hvaler krk. 26/8 s.å.](#)^[#46]. Storesyster til **Nikoline**, **Bertha Leirah** er *tenestepige* hjå familien.

Hans Arnt Bårdsen var f på Hvaler 5/3-, dpt Hvaler [14/4-1873](#)^[#17] og konfirmert [7/10-1888](#)^[#18]. Foreldra hans var [los](#) [Edvard Bårdsen](#) og [Mina Karoline Gundersdtr.](#) Ved [FT1891](#) budde **Hans Arnt** saman med foreldra, fire brør og to systre på gnr. 42/8 [[Husliste#95](#)] i *Hvaler herred*.

Ved [FT1910](#) finn vi *Lods* **Hans Arnt Baardsen** busett i Strandgate 18 i Moss. **Nikoline** er i 1910 registrert både på Leira, gnr 42/39 i Hvaler, saman med dotter **Mina** og storesyster **Berthe** - og på [Hvalstrand gnr 49/34](#) i Hvaler der ho ho er på midlertidig opphald, truleg i «embeds medfør». Mykje tyder på at dei så har flytta til Moss. **Mina Karoline** vart konfirmert i Moss [6/12/1914](#)^[#22] og **Nikoline** er notert med adresse [Torderødgate 2](#) då ho dør av *Lungebet efter den Spanske* [22/11-1918](#)^[#90]. Ho vart gravlagd i Moss bysokn 30/11 s.å.

Eldste syster til **Nikoline**, **Inger Andrea** var f 11/5- på Leira og dpt i Skrautvål krk. [8/6-1856](#)^[#30] og konfirmert [19/7-1870](#)^[#1]. Ho er ved [FT1865](#) busett på Leira lno. 103, [FT1875](#) på Leren lno 103b.

Inger Andrea vart registrert innflytta til *Præstegaard?* i Rygge i Østfold i 1881, men innførsla er bokført i [1884](#)^[#16]. Ho gifta seg i [Rygge krk. 14/11-1884](#)^[#24] med smed **Kristian Larsen** *Urstadengen*. Han var f 26/7-, dpt Rygge [17/9-1854](#)^[#51], konf Rygge [3/10-1869](#)^[#28]. Ved [FT1865](#) bur han (*skrivne Peter C*) på *Urstad eller Urstadmyr lno. 106B i Rygge prgj.* saman med foreldra [Lars Paulsen/ Anne Kirstine Sørensdtr](#) og tre sysken.

Eldste dotter til **Inger Andrea** og **Kristian**, **Anna Hansine**, vart f på [Rør i Rygge](#) 8/8-, dpt Rygge [26/9-1886](#)^[#27], konf Moss [14/4-1901](#)^[#3]. Dei hadde flytta til Moss innan neste dotter, **Ingeborg Marie**, vart fødd på [Krabben i Moss](#) 23/8-, dpt i Moss landsokn [11/10-1891](#)^[#10], konf Moss [1/10-1905](#)^[#18]. [FT1900](#) syner familien busett på Helgerødgrund, gnr 2/3 i Moss herad. Ti år seinare, [FT1910](#), er bustadsadressa [Helgerød](#), Torderød teljekrins i Moss prgj. **Kristian** er smed på [skipsverft \(Moss Verft\)](#).

Smed paa Moss værft, **Kristian Larsen** dør [2/1-1925](#)^[#1], gravl Moss landsokn 9/1 s.å. DIS-gravminner syner at **Inger Andrea** døydde [1/12-1952](#), **Anna Hansine** [29/2-1960](#) og **Ingeborg Marie** [25/4-1980](#). Dei kviler alle på [Moss gravlund](#).

Elev ved Kra. Jordmoderskole sidan gift med «Kaiforvalter ved Borregaard»

Ved [FT1900](#) er **Inga Fladager** frå N. Aurdal notert som «*Elev ved Kra. Jordmoderskole*» med adresse *Akers Gade 44, Kristiania Fødselsstiftelse*.

Inga kom til verda på [Flatåker](#) i Ulnes sokn i Nord-Aurdal prgj. 16/4-, og vart døypt i [Ulnes kyrkje 3/6-1877\[#33\]](#). (skrive **Inge** i kyrkjeboka) Her vart ho òg konfirmert, [12/6-1892\[#5\]](#). [FT1891](#) syner **Inga(Inge)** saman med foreldra, [Ingebjørg Torsteinsdtr](#) og [Henrik Arneson](#), tre systre ([Guri](#); [Ragnhild](#) og [Marie](#)), tre brør ([Arne](#), [Henrik](#) og [Torstein](#)) samt farfaren, *føderaadsmand* [Arne Henriksen](#). Dei er busette på *Flataaker* gnr 39/6 i Østre Ulnes teljingskrins i Nord-Aurdal herad. Familien omtala på side 168 i «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*» band C.

Inga var ikkje den einaste i syskenflokken som fekk jordmorutdanning. Ved [FT1900](#) er systera **Marie** med i teljinga både som midlertidig busett [hjá storesyster Guri](#) i Professor Dahlsgt 47 - og med bustad *Skogli* på Leira i Valdres hjå [familien Øyom](#). _ her kan ein ta med at Karoline Øyom er syster dei tre kvinnene som er omtala i førre stubb om «*mostrene i Smaalenene*».

Ti år seinare. i [FT1910](#), finn vi **Inga**, denne gongen skriven **Inger**, busett på Borregaard i Tune herad. Ho er no gift med «*Kaiforvalter ved Borregaard*», **Johan Molton**.

Johan Mathias var fødd i Molde 7/8-, dpt [22/11-1878\[#34\]](#) og konfirmert i Molde [1/4-1883\[#12\]](#). Foreldra hans var arbeidsmand [Elias Jakobsen](#) og [Aagot Olsdtr Kavli](#). Ved FT1900 er Johan registrert gift med Marie Sigvalda Konstanse Kristiansen frå Ålesund, f 10/7, dpt [4/8-1878\[#68\]](#). Dei bur då i Schönning Gade 5 i Kristiania. Då sonen **Erling** vert døypt, i Fagerborg krk. [14/7-1901\[#119\]](#), bur dei i [Industrigt. 65](#). **Johan** er då notert med «borgerlig stilling» [Styrm\(amd\)](#). Det er notert i Ministerialboka for Fagerborg at **Johan** 11/6-1906 ved kgl. Bevilling fekk «*tilladelse til at antage navnet Molton som familienavn istedenfor Jakobsen*».

Teljinga 1910 syner at **Inge/Inga/Inger** og **Johan** har to born saman, **Ingebjørg Arnhild** f [Melløs](#) 31/7-, dpt [Tune krk. 29/12-1908 \[#150\]](#) og **Sverre Torstein** f Borregaard f 31/5-1910. Sonen **Erling** frå **Johan** sitt fyrste ekteskap er også busett saman med dei.

Inger Molton f 1878 i *Ulnæs, Valdres* hadde [Sannesundsv](#) 68 som adresse då ho døydde [8/9-1919\[#35\]](#). Ho vart gravlagd og jordfesta i Sarpsborg 13/9 s.å. DIS-gravminner syner at **Johan Molton** døydde [30/6-1931](#) og vart gravl. på St. Olav gravlund i Sarpsborg 10/8 s.å.

Ingebjørg Arnhild Molton vart konfirmert i Sarpsborg [7/12-1924\[#60\]](#). Ho gifta seg i [Molde krk. 6/5-1939 \[#11\]](#) med **Arne Mittet**, son til [Albert Theodor Mittet](#) og [Helene f Hagen](#). **Arne** var f 23/12-1910, dpt [12/2-1911\[#2\]](#) og konfirmert [13/5-1926\[#7\]](#). Hjå DIS-gravminner finn ein at **Ingebjørg** døydde [22/10-1987](#) medan **Arne** døydde [13/9-1991](#). Båe kviler på Molde nedre gravplass.

Hjå DIS-gravminner finn ein at **Sverre Torstein Molton** døydde [12/10/1999](#). Under same gravstein kviler **Marie Sverdrup Molton**, død [24/2-1993](#). Ein [GENI-profil](#) (med bilete) syner ekteparet. **Marie** var f i Eidsvåg 26/7-, dpt [Nesset krk. 11/9-1910\[#9\]](#), konf [24/9-1925\[#4\]](#). Foreldra hennar var gbr. [Joakim Mogens Berner Sverdrup](#) og [Margrete Sørensdtr](#). [FT1910](#) syner familien busett på [Sjøgarden](#), gnr 29/1 i Nesset herad i Romsdalen. - **Marie** høyrer til Sverdrupfamilien nemnde i stubben «[Det står ein friar uti gar'e](#)»




Bilete lånt frå www.borregaard.no

Systemene frå Toreplassen fann ektemenn i Østfold

Vi kjem innom [Toreplassen](#) under Hølle i Røn sokn i Vestre Slidre i stubbane om [Barhauerer ved Vigsnes gruve og bror hans, arbeidar ved Flekkefjordbanen](#).

I denne stubben ser vi nærare på to av døtrene til den siste husmannen på Toreplassen, **Ola Knutson**. Han var fødd i [Skroviken](#) 9/1-, dpt i [Røn krk. 5/3-1848](#)^[#29] og konfirmert [28/7-1863](#)^[#33]. Foreldra hans var husmannsparet [Knut Knutson](#) og [Marit Olsdtr](#), Dei gifta seg [19/10-1844](#)^[#13]. Toreplassen, sidan kalla [Dalheim](#), finn de meir om på [side 586](#) ([permanentlenke](#)) i «*Gardar og Slektar i Vestre Slidre*».

Ola Knutson var ved [FT1865](#) *tjenestekarl* på [Mosøydgården](#). Han gifta seg [19/4-1870](#)^[#9] med **Kari Olsdtr**. Feltet «*Brudens fødested*» fortel at ho er fødd på [Skalsbakken](#), men dette er ikkje rett.



[Sokneprest Winsnes](#)* si handskrift er det ein må kalle «særeigen» - *side43 [permanentlenke](#)

Då **Kari Olsdtr** vart konfirmert, [29/5-1859](#)^[#34], er «*Fødested*» notert som [HaftornsEie](#) i *Gol*. Ministerialboka for *Gol* syner at ungkaren [Ole Nielsen Brekke](#) og pigen [Birgit Halvorsd Haftornseie](#) er foreldre til **Kari** – ho var fødd 13/10- og dpt i *Gol* kyrkje [3/12-1843](#)^[#133]. - **Kari** er nemnt på side 354 i «*Boka om Gol*» band III (Herad). [Birgit Halvorsdtr](#) vart [2/6-1816](#)^[#15] gift med [Halvor Gullikson Rust](#), han fekk skjøte på [Skalsbakken](#), [tinglyst 6/3-1857](#). [Skalsbakken](#) er skrive om på [side 585](#) ([permanentlenke](#)) i «*Gardar og Slektar i Vestre Slidre*». Ved [FT1865](#) er **Kari Olsdtr** *tjenestepige* på [Hamre lno 155a](#) i Vestre Slidre.

Kari Olsdtr og **Ola Knutson** vart foreldre til dottera **Berit**, f 4/11-1875, dpt [2/1-1876](#)^[#37] og konf. i *Røn* kyrkje [24/5-1891](#)^[#19]. Dottera **Ingebjørg** kom til verda 25/7- og vart dpt [20/10-1878](#)^[#47], konfirmert [28/5-1893](#)^[#21] i *Røn* kyrkje. *Teljinga* 1891 syner familien busette på [Torepladsen](#), *Øyebygdens* kreds, Vestre Slidre. [[Husliste](#) – *Personskjema* [Berit](#), [Ingebjørg](#)]

Berit var ved [FT1900](#) *syjente*, busett på [Torepladsen](#) under gnr 63/1 i Vestre Slidre. Ho bur no saman med foreldra og veslesystera [Guri Olsdtr](#) f 3/3-, dpt [6/6-1886](#)^[#6]. Ti år seinare, [FT1910](#), er ho komen langt unna fødestaden – ho er då *sydame*, busett i *Voldgaten 9* i *Fredrikstad*. Ho er registrert som *ugift*, og bur saman med sonen **Ole Ludvig Olsen** ^A. Han var f 27/5-1909 på [Fuglevig](#) i *Fredrikstad*, dpt i [Østre Fredrikstad krk. 2/1-1910](#)^[#2]. og konfirmert i *Kråkerøy* [27/4-1924](#)^[utan nr.]. Her er i merknadsrubrikken notert: «*Ved Justisdeptets bevill. av 18/2-1942 gitt tillatelse til å anta Buskoven som slektsnavn*». Far hans var *Sagarb. Oskar Andreas Olsen* frå [Buskoven](#) på *Kråkerøy*.

Oskar Andreas og **Berit** giftar seg i [Kråkerøy krk. 12/4-1911](#)^[#3]. **Oskar Andreas** var son til *skibs-tømmermand* [Ole Kristian Augensen](#) og [Andrine Karine Larsdtr](#) og f i *Fuglevig* 18/7-, dpt i *Glemmen* krk. [12/9-1880](#)^[#116] og konfirmert i *Glemmen* [30/9-1894](#)^[#54]. Han er både ved [FT1900](#) og [FT1910](#) busett saman med mor si og fleire sysken på [Buskoven](#) gnr 26/5 i *Kråkerøy*.

Då dottera **Rut Adele** ^B kjem til verda, 30/5-1911, bur **Berit** og **Oskar Andreas** i *Buskedalen* på *Kråkerøy*. **Rut Adele** vart døypt i *Kråkerøy* krk. [3/9-1911](#)^[#41] og konfirmert [3/10-1926](#)^[#62]. Sonen **Bjarne Olav** ^C vart f 24/8-, og dpt [2/11-1913](#)^[#47]. Han døyr, berre 5 år gamal, av «*Difteriet*» [14/1-1919](#)^[#2] og vert gravl. ved *Kråkerøy* krk. 19/1 s.å. Dottera **Marit Andrea** ^D vart f i *Buskedalen* 13/6-, dpt i *Kråkerøy* krk. [10/9-1916](#)^[#36] og konf. [5/10-1930](#)^[#49].



Hjå *DIS*-gravminner finn ein at **Berit Buskoven** døydde [24/6-1966](#) medan **Oskar Andreas Buskoven** døydde 7/9-1968. Paret kviler på *Kråkerøy* gravplass i *Fredrikstad*.

Ole Ludvig ^A gifta seg i *Kråkerøy* krk. [22/12-1940](#)^[#23] med **Gunhild Nilsen**. Ho var f i [Sverres gt. 15](#) i *Fredrikstad* 20/2- og dpt i [Vestre Fredrikstad krk. 13/4-1911](#)^[#37]. Foreldre var *Kulkjører* [Kristian Nilsen](#) og [Elena Marie Evensen](#). **Gunhild** døydde [18/6-1987](#) og **Ole Ludvig** ^A [18/11-1989](#). Dei kviler under same gravstein som foreldra hans.

Hjå *DIS*-gravminner finn ein at **Berit Buskoven** døydde [24/6-1966](#) medan **Oskar Andreas Buskoven** døydde 7/9-1968. Paret kviler på *Kråkerøy* gravplass i *Fredrikstad*.

Vognmannen i Fredrikstad fekk sitt «JA» frå Slidrejenta

Om ho gjorde som «[Glommen](#)» - og [dansa seg fram til Fredrikstad](#), jenta eg skal skrive om i denne stubben – det skal vel noko til. Men hit var ho komen, tidsnok til å bli medteken i «[manntalet](#)» ved [FT1900](#), då er ho tenestjente hjå dr. Harald Lyche og kona Asta i [Voldportgaden](#). [[GENI](#)]

At ho var ei god «[sendekvinne](#)» for Valdres – og Slidrebygdene – det skulle ein tru. [Harald Lyche](#) med familie finn vi ved [FT1910](#) busette på Solhall i Vestre Slidre – då er han «[distriktslæge](#)» i Nord-Valdres, ei stilling han gjorde teneste i frå 1908 til 1929. [Karl Lyche](#), pleiesonen, vart siden ei kjend radiorøyst.

Slidrejenta vi no skal sjå nærare på var fødd i «[Hjellebergene](#)» 22/5-, og fekk namnet **Sigrid** ved dåpen i Vestre Slidre prgj. [15/6-1873](#)[#23]. Vi finn at foreldra hennar, [Ola Olson](#) og [Ingrid Gudbrandsdtr](#), gifta seg [31/10-1872](#)[#9]. [Ola Olson](#) var f 28/3-, dpt [30/4-1847](#)[#40], konfirmert [28/1-1863](#)[#27] medan [Ingrid Gudbrandsdtr](#) kom til verda på [Kvåle](#) 26/9-. dpt [27/10-1844](#)[#96], konf [29/5-1859](#)[#2]. [Ingrid](#) er ved [FT1865](#) busett i [Qvalebakkene](#) lno 84a i Lomen sokn, Vestre Slidre – saman med foreldre og sysken. [Ola Olson](#) er truleg ved [same teljing](#) «[Tjenestedreng](#)» på Ølken. I 1891 er [Ingrid](#) og [Ola](#) busette på [Kvale øvre](#) ([Hagen+plads](#)) gnr 39/6 og 39/14 i Vestre Slidre. I [FT1900](#) er bustaden kalla [Kvalehagen](#) gnr. 39/14, i [FT1910](#) er bustaden kalla [Braaten](#) gnr. 39/14. [Ingrid](#) døydde [14/5-1918](#)[#2] og vart gravlagd 27/5 s.å. Hjå DIS-gravminner finn ein at [Ole O Kvalebraaten](#) døydde ikr. [10/10-1936](#). Dei kviler bae på [kyrkjegarden ved Slidredomen](#). De finn meir om familien på [side 320](#) i «[Gardar og slekter i Vestre Slidre](#)» ([Varig lekkje](#)).

Sigrid Olsdtr gifta seg i [Østre Fredrikstad krk.](#) [27/10-1901](#)[#13] med [vognmand Ole Herman Hansen](#). Han var f 24/9- og døypt i [Torsnes krk.](#) [8/11-1874](#)[#15]. Foreldra var husmannsparet [Hans Johnson](#) og [Oleane Marie Nicolaidtr](#). Ved dåpen er notert : «[flyttet til Østre Frstad 82](#)». **Ole Herman** vart konfirmert i [Østre Fredrikstad krk.](#) [28/4-1889](#)[#3], då var bustadsadresse [Kasernegaden](#). [FT1900](#) syner at **Ole Herman** då budde i Raadhusgade 21.

Sigrid og **Ole Herman** vart foreldre til borna **Margit** ^A f 20/7-, dpt [30/8-1903](#)[#35], konf [1/12-1918](#)[#3]. **Håkon** ^B f 9/12-1905, dpt [18/2-1906](#)[#3], konf [8/5-1921](#) [#3]. *Pige Gurid Kvale* var mellom faddrane. **Ingrid** ^C f 5/10-, dpt [17/11-1907](#)[#51], død [1/4-1924](#)[#9], gravl. [Østre Fredrikstad](#) 14/3 s.å. **Signe** ^D f 19/12-1909, dpt [6/2-1910](#)[#1], konf [9/5-1926](#)[#3]. **Harald** ^E f 7/5-, dpt [9/6/1912](#)[#31], konf [4/12/1927](#)[#1]. **Sigurd** ^G f 26/6-, dpt [20/7-1913](#)[#28], konf [12/5-1929](#)[#2]. **Ole Gunnar** ^H f 28/1-, [29/4-1917](#)[#15], konf [4/12-1932](#)[#2]. - Alle er døypte og konfirmerte i [Østre Fredrikstad krk.](#)

Den einaste av desse syskena eg har funne ekteskap til er **Håkon** ^B. Han var skriven «[Skatteinspektør](#)» då han gifta seg i Steinkjer [15/3-1936](#)[#0] med **Ulrikke Karoline Falch**., dotter til bankkasserar **Sverre Falch** og **Martha Marie Nilsen**. Ho var f 9/3- i [Torvgaten](#) i Fredrikstad, dpt i [Østre Fredrikstad krk.](#) [9/5-1909](#)[#17] og konfirmert [2/12-1923](#)[#5].

Hjå DIS-gravminner syntest det vera lettare å finne «treff». Under ein familiegravstein på [Østre Fredrikstad gravlund](#) kviler (Ole) **Hermann Hansen**, død [12/10/1946](#), **Sigrid Hansen** f. **Kvale**, død [2/6-1961](#), **Margit** ^A **Kvaleng** død [11/5-1991](#), **Ingrid** ^C **Hansen** død [1/4-1924](#), (Ole) **Gunnar** ^H **Kvaleng** død [16/6/-1997](#) og **Mary Kvaleng** (3/10-1915-[22/3-1996](#)).

På [Østre Fredrikstad gravlund](#) finn vi og **Ulrikke Karoline Falch Hansen** død [10/7-1979](#) og **Haakon** ^B **Hansen** død [12/4-1988](#). Her finn vi og **Signe** ^D **Kvaleng** død [28/5-2000](#) – under same gravstein kviler **Harald Chr. Olsen** (2/10-1908 – 5/10-1942). - **Sigurd** ^G **Kvaleng** kviler på [Voksen gravlund](#) i Oslo. Han døydde [16/1-1993](#).

Mykje tyder då på at fleire av borna bytte til **Kvaleng** som slektsnamn ei tid etter at namnelova av 1923 vart gjort gjeldande. Eg undrar meg på om [denne karen](#) høyrer til familien (*son til Gunnar?*).

Til sist kan de gjerne høyre på [revyvisa om ein annan Vognmann](#) – med [drabelige](#) rekordar...

Etter å ha skrive ferdig denne stubben fann eg [databasen til Dag Thalberg](#) på nettet. Det ser ut til at vi har fått tak i mykje av dei same opplysningane – og godt er det !

Husmann og lensearbeidar i Varteig

[FT1865](#) kan fortelja oss at ektefolka **Lisbet Larsdtr** og **Tor Tollefsen** frå *Aur Prgj i Valdres* er husmannsfolk og busette på [Furuholmen](#) (jfr stubben om [maskinisten på «Kong Haakon»](#)) i Kirkefjerding krins i Varteig prgj. - Paret gifta seg i Tune prestegjeld [9/10-1848](#)[#44]. **Thord** er då 36 år gamal – og skriven *Ungkarl, arbeidsmand – fødd under Tvedeje i Nordre Ourdal*.

Denne **T(h)ord**-karen er nok han som etter kyrkjeboka vart fødd 24/10- og døypt i Ulnes kyrkje [8/11-1812](#)[Vside,3.nedanfrå], son til Tollef (Tølleiv) Tronds [Hegges-eje](#) (dpt [28/10-1761](#), død [1/2-1829](#)) gift [30/3-1812](#) med *Ingeborg Thordsd* (død [28/10-1862](#)). Tølleiv Trondson var fødd på [Kjørstad](#) (*Kjøssta*) i Vestringsbygden og er bror til Knut Trondson, omtala i stubben «[Blikk stillt på Ølsjøen – storm i Nordsjøen](#)». **Tord** vart konfirmert [5/6-1831](#)[#15], då vart han skriven [Tvedt](#).

Kva tid han kom til Smaalenene – det teier soga om – korkje ut- eller innflyttingsnotat er funne for **Tor(d)**. Attåt husmannspliktene syntte FT1865 at han var [lensearbeider](#). ([Foto av tømmerlense](#))

Lisbeth var døypt i Tune prgj. [22/1-1804](#)[#14-H side.H spalte, øvst]. Konfirmert var ho, [27/10-1820](#)[#15]. Foreldra hennar var *Lars Olsen Bøe* og *Olau Luchasdtr*. Vi finn dette *gaardbrugerekteparet* ved [FT1801](#) på [Bøe store](#) i *Warthøy sogn* i *Tunø prgj*. - I «[originalen](#)» er Olau skriven *Leegsd.*, ingen transkripsjonsfeil her.

- Det er i FT1801 ikkje mange med førenamnet *Lukas/Luchas* – arva frå evangelisten. Eg fann berre [tre personar](#), i Aker, Kristiania og Brønnøy. Døyparen Johannes har nok teke ein lett siger i namnearving om vi set dei opp mot kvarandre. Det synest som om [forteljaren kjem langt etter tenkjaren](#) - i namnepopularitet.

Tord og **Lisbet** var truleg barnlause (ingen funne døypt dei fyrste tre åra etter at dei gifta seg). **Lisbet** døydde på Ingebrigtstangen i Varteig [2/1-1869](#)[#1].

Men **Tord** vart ikkje enkjemann i lang tid. [5/4-1870](#)[#5] giftar han seg med enkja **Anne Marie Skjøllersdtr**. Ho var f på [Lensebraaten](#) i Varteig sokn20/6- og dpt [3/7-1825](#)[#68]. Ho var dotter til *gaardmand Skjøller Larson* ([Jelsnes](#)) og Kari Jensdtr. Eg undrast på om **Anne Marie** fyrste gong vart gift med *møllebetjent* Ole Brynhildsen frå Råde. Dei gifta seg i så fall i Tune [21/1-18549](#)[#5]. Ved [FT1865](#) er **Anne Maria** enkje, ho bur saman med faren Skjøller Larsen, broren Anders Skjøllersen og systerdottera Maren Johanne f [19/5-1859](#) [#178] på Lentzebraaten lno. 122B i Tune prgj.

Gift husmann **Tor Torleifsen** f 1816 døydde av *Mavekræft* på [Furuholmen](#) [10/9-1873](#)[#20]. Han vart gravlagd ved Varteig kyrkje 20/9 s.å.

Ein kunne undrast på om **Tord** «jakta på» kvinnfolk med uvanlege patronym i familien. Mannsnamnet Skøller eller Skøllert har eg ikkje tidlegare «bete meg merke» i. I FT1801 finn vi 1 person, [Schøler Eriksen](#) i Tune, i 1865 [Sjøller Hartvig Lilledahl](#) i Trondheim – i FT1900 finn vi ingen, men 3 menn frå Bygland heiter [Sjølluv](#). Om namnet ikkje kan finnast i boka «[Pene namn](#)» tyder det **ikkje** at namnet er «*upent*» (stygt) !!!!!




Biletet "Boligen på søndre Furuholmen" er lånt frå Varteig Historielags fotosamling



Denne logoen har òg tilknytning til Furuholmen i Varteig

Systrene frå Ulnes – vaks opp på Tretten var tenestejenter i Fredrikshald – seinare kom dei til hovudstaden Bror deira var «Sjømand»

Frå tid til annan kan feil avskrift frå ei primærkjelde sende folk ut på ei leiting der ein aldri kjem til mål.



Ingebjørg Halvordsdotter Stavenjord frå Måno gnr. 85/7 f 1815, g 1837 m Erland Ivarsson Leistrud frå Nørdre Leistrud gnr. 22/4 i Sør-Aurdal f 1813. Dei utvandra til Amerika i 1847.

Born:

- 1 Halvord f 1838.
- 2 Ivar f 1839, d 1840.
- 3 Ivar f 1841.
- 4 Ingeborg f 1843, truleg d før 1847.
- 4 Ingeborg f 1843. Truleg g i 1868 med Andreas Olafson Sandberg frå Båhuslen i Sverige.
- 5 Gjertrud f 1846.

Ulnes - Ministerialbok nr. 6 (1842-1863) [side 262](#)

«Gard og bygd i Nord-Aurdal», band D side 607

Om ikkje augo mine ser heilt gale fortel ministerialboka at denne familien fekk utflyttingsattest med reisemål **Øier** – medan bygdeboka fortel at familien utvandra til **Amerika**. - «[Håkken ska'n blonke tel.](#)?»

Ein bør vel fylje rådet nokre meieristudentar på tidleg 1970-tal hadde notert på kjøleskåpdøra: «**Drink det eldste ølet først**» ! - eller fyrst sjekke [primærkjelda](#)(kyrkjeboka). – Er familien innført innflytta i Øyer, eller har dei fått eigedom der – eller er oppførte i folketeljingar der?

Ei bygdebok er i alle høve berre ei sekundærkjelde – i mange høve kan ho gi gode leietråder – men også leia lesaren på villstrå. - Lat meg leggje til at desse stubbane mine heller ikkje er anna enn andre- eller tredjehandsopplysningar, men med å leggje teksta ut på ei nettside har ein høve til å [hyperlenkje](#) opplysningane ein kjem med til ei eller fleire primærkjelder. Då er det opp til lesaren å vurdere kor godt dette handverket vert gjort!

Ho **Ingebjørg** vart fødd i [Måno](#)bygden 2/5- og døypt i Aurdal kyrkje [14/5-1814](#)[V.side, nedst], tre dagar før [Grunnlova](#) vart signert. Ho vart konfirmert [9/8-1829](#)[#8]. Ho gifta seg med **Ellend**(Erland) **Ivarson** [29/6-1837](#)[#14]. Han vat fødd 30/11-, dpt i Bagn krk. [5/12-1814](#)[V.side,2.ovanfrå] og konfirmert [13/7-1828](#)[#17]. [Grunnboka s. 446](#) fortel at **Ingebjørg** fekk skjøte frå faren på [Sundheim nedre](#), lno 162^{al} 24/1-1837, tinglyst 3/7 s.å. **Ellend Ivarson** skjøter garden vidare til Nils Johan Rebne 6/3-, tgl. 17/6-1847.

Med på flyttelasset til Øyer er borna **Halvor** f 2/4-, dpt i Ulnes krk. [14/4-1838](#)[#27], **Iver** f 8/2-, dpt [12/4-1841](#)[#38], **Ingebjørg** f 23/11-, dpt [26/11-1843](#)[#33] og **Gjartrud** f 18/9-, dpt [5/10-1846](#)[#24].Familien er ikkje å finne i innflyttarlistene i Øyer – sjølv om det store fleirtal av [innførslene for 1847](#) gjeld folk som kjem «*fra Nordre Ourdal – fra Nordre Ourdal men født i Slidre– eller fra Romsdalen men født i Nordre Ourdal*».

[Grunnboka for Øyer tinglag](#) syner at **Ellend Ivarson**, saman med *Anders Halvorsen* frå Syndei, fekk skjøte på [Halstenstad](#). lno. 203^a 2/3-1848. Dei vart ikkje eigarar lenge, 10/12- tinglyst 11/12-1849 kjem ei ny skjøte der karane sel garden vidare til Erik Gundersen Lienløkkesletten og Johannes Olsen Bekken.

Lat meg leggje til at dotter til Anders Halvorson , *Agnete Andersdtr*, gifta seg i Vestre Slidre [1/11-1889](#)[#5] med Ola Ivarson, husmann under Semeleng i Vestre Slidre Ho var fødd på Liasveen i Øyer og faren vart skriven *Anders Halvors Liasveen (Sæter N. Aurdal)*. Familien er skrive om på side 688 i «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*» band C.

Sonen **Johannes**, f 3/3-, dpt [28/3-1850](#)[#25] er notert med fødestad *Halstenstad*. Siden neste barnet også får namnet **Johannes**, f på [Hong](#) 29/4-, dpt [14/5-1854](#)[#40], skulle ein tru at den fyrste Johannes-guten hadde døydd, men det er ikkje notert noko slikt i kyrkjeboka. - Eg har funne desse borna konfirmert: **Halvor**, i Øyer krk. [29/5-1853](#)[#14] – **Iver** [1/6-1856](#)[#15].

Ein kunne mest tru at familien hadde gått i oppløysing - ved FT1865 finn eg **Ingeborg Erlandsen** som tenestjente hjå kjøpmannsfamilien Fritzner i **Fæstningsgaden** 222a i Fredrikshald medan veslesystera **Gjertrud Erlandsdtr** er *Tjenestyetende* hjå handelsfamilien Knop i **Urtegaden 589**. - Eg ser heller ikkje bort frå at vi finn **Johannes** (f 1854) registrert som **Johan Erlandsen**, *Lægdslem* på **Hong nordre** lno 187a i Tretten sokn, Øyer prgj. Ein annan mistanke er at faren, enkjemann **Elland Iversen** frå *Valders* i **FT1865** er registrert som enkjemann og «*Kulbrænder*» i **Bjørnstadstuen** i Strandfjerdings krins i Biri prgj. saman med **Bendik Søhus**, også frå *Valders*.

Eg kjenner meg heilt trygg på at vi finn **Erland Iversen**, *Enkemand, Fattiglem f 1813 Listerud i Søndre Aurdal, bopæl Hong i Øyer, død 10/3-1891[#9]*, gravlagd ved **Tretten krk.** 17/3- og jordfesta 26/3 s.å.

1/12-1868[#130] giftar **Ingebjørg Ellendsdtr** seg i *Vor Frelzers krk* (**Oslo Domkyrkje**) med *ungkarl og bagersvend* **Andreas Olafson Sandberg** fødd 1841 i Bohuslän i Sverige. Dei er då registrerte med adresse **Dronningens gade 4**. Ved **FT1875** finn vi dei busette i Øvre Gade 4 i Kristiania. Dei hadde då borna (alle fødte i Kristiania) **Alma Eleonora** f 1870, **Valborg Constanse Amanda** f 1874 og **Sofie Mathilde** f 1875. Eg har ikkje greidd å finne desse jentene døypte i sokna kring «*Vor Frelzers*». Kanskje høytde dei ikkje til **Statskyrkja**? - *Ugift Sømand* **Johan Erlandsen**, f 1854 i Øier er Logerende hjå familien.

Men eg fann at **Ingeborg Sandberg** og borna **Alma**, **Valborg**, **Sofie**, **Agnes** (f 1878) og **Axel** (f 1880) reiser frå Kristiania med «*Kong Sigurd*» 16/7-1881 med reisemål *Hantzdal*. Eg vil tru dette er **Houtzdale i Pennsylvania** (kart). Det vil difor ikkje undra meg om det er **Ingebjørg** og **Andreas** (Andrew) **Sandberg** som er gravlagde på Fairview gravplass i **Patton**, Cambria Co. i Pennsylvania

FT1875 syner at ektefolka *sømand* **Todar Marinius Pedersen** og kona **Jeny** frå *Valders* også bur i Øvre Gade 4. **Jeny** lyt vera **Gjartrud Ellendsdtr**. Ho gifta seg i **Paulus krk.** I Kristiania **26/12-1875[#26]** med matros **Theodor Marinius Pedersen**. Bror hennar, **Johan**, var ein av forlovarane. **Theodor Marinius** var f i *Sygehusgaden i Fredrikshald* 4/9-, dpt **28/5-1849[#39]** og konfirmert **4/10-1863[#19]**. Foreldra hans var matros **Johannes Pedersen** og **Oleanne Trulsdtr**. Han var ved **FT1865** registrert i *Elvegaden 11, Sydsiden bydel i Fredrikshald*.

Gjartrud og **Theodor Marinius** budde i *Øvre gade 4* då dei vart foreldre til **Olga Marie** f 28/9-, dpt **26/12-1876[#345]**, konf. **4/10-1891[#182]** og **Jenny Theodora** f 8/12-1878, dpt **11/5-1879[#74]**, konf **1/10-1893[#206]**. Innan neste barn kjem til verda har dei endra bustad til *Markveien 83*. No kjem **Karl Johan** f 2/12-1882, dpt **18/3-1883[#57]**, konf **25/4-1897[#89]**. Dei siste borna er noterte med adresse *Markveien 56b*. Dette er **Johan Peter** f 18/1-, dpt **17/5-1885[#93]**, konf **1/10-1899[#46]** og **Valborg Lovise** f 22/10-, dpt **23/12-1888[#288]**, konf **19/4-1903[#8]**. Alle borna er døypte i Paulus krk, der er og dei fire eldste konfirmert. **Valborg Lovise** vart konfirmert i **Jakobs krk**.

Familien finn vi i **FT1885** busette i Markveien 56b, i **FT1900** i Markveien 59. Dei har ved **FT1910** flytta til **Søndregate 10**.

Fast bærer **Theodor Marinius Johannesen** f Fredrikshald 4/6-1848, bustad Søndre gt 10. døydde av *lungetøring og hjertelammelse* **5/6-1916[#41]**. Han vart gravlagd frå Jacobs krk. 10/6 s.å. *Privatførsørget enke* **Gjertrud Theodora Johannesen** f 15/9-1846 i Øier, busett i Søndregt. 10, døyr av hjertefeil **10/1-1919[#2]**, gravl. 16/1 s.å. Eg har ei sterk tru på at dette er **Gjartrud Ellendsdtr** ! - Ektefolka kviler på **Sofienberg gravlund**.

Hjå DIS-gravminner ser vi at **Karl Johan Johannesen** døydde 18/9-1960 medan systera **Valborg Lovise** døydde 3/9-1975. Båe kviler på **Gamle Aker kyrkjegard** (lund C, felt 25).



Foto: OHF – 27/8-2003

Akershus fylke



Valdrisar i Akershus – frå folketeljingar og kyrkjebøker

	1865	1875*	1885**	1900	1910	Gifte		Døde	
						M	K	M	K
Aurdal	45	22		64	158	64	58	15	11
Slidre	24	8		56	71	20	28	13	7
Vang	14	3		17	30	9	7	4	2
"Valdres"	29	4	1	28	40	1	3	5	9
i alt	112	37	1	165	299	94	96	37	29

- * 1875-teljinga er ikkje fullstendig
- ** 1885-teljinga gjeld berre kjøpstader

Husmann på Sagerød under Mo - i Rotnes krins, Nittedal

[Innførsle nr 4](#) for *Aaret 1857* fortel at **Jens Erlandsen Bøiet** frå *Nordre Aurdals Præstegjeld i Valdres* er registrert innflytta til [Nittedal prestegjeld](#). «*Opgiven hensigt med Indflytningen*» var «*For at ernære sig som Dagleier, er den 17. Mai 1857 gift med pigen Karen Haakensdatter Sagerød under Moe.*»

Jens var son til husmannsparet [Erland Halvorsen](#) og [Kari Jensdtr](#), f på [Bøeige](#) i Aurdal 17/11-, døypt i Aurdal krk. [8/12-1822](#)^[#62] og konfirmert i Svenes krk. [2/7-1837](#)^[#8]. Han gifta seg i [Nittedal krk. 17/5-1857](#)^[#4] med **Karen Håkonsdtr**. Les om syster til **Jens**, [Barbro](#), i stubben «*Ridende Jæger*».

Karen var fødd på Sagerød under [Moe](#) 24/5-, dpt [Nittedal krk. 2/6-1823](#)^[#13], konf [10/10-1841](#)^[#22]. Foreldra var husmannsfolka [Haagen Pederson](#) og [Kari Jensdtr](#).

Karen og **Jens** var foreldre til (alle borna fødte på Sagerød): **Karoline** ^A f 15/8-1856, dpt [17/5-1857](#)^[#22] (same dag som foreldra gifta seg) – les gjerne forlagsliv.no sin blogg «[Hurra for 17. mai og for Henrik Wergeland](#)». Ho vart konfirmert i Nittedal [1/10-1871](#)^[#35]. **Edvard** ^B f 8/5-, dpt [11/7-1858](#)^[#40], konf Nittedal [4/10-1874](#)^[#35]. **Herman** ^C f 3/2-, dpt [11/11/1860](#)^[#42], konf [10/10-1876](#)^[#27]. **Kristine** ^D f 22/5-, dpt [Hakadal krk. 12/9-1863](#)^[#25], konf Nittedal [6/10-1878](#)^[#5], død (tæring) [27/8-1880](#)^[#12], gravl 5/9 s-å. Minstejenta, **Juliane** ^E var f 13/7-, dpt [30/12-1867](#)^[#20] - ho døydde [17/5-1878](#)^[#3] og vart gravlagd ved Nittedal krk. 27/5 s.å. – Det var såleis ein trist dag for **Karen** og **Jens**, på dagen 21 år etter at dei gifta seg. Dei levde, etter merknader ved fleire konfirmasjonar, «frå hand til munn» - eller for å sitere kyrkjeboka; «*Opdraget i stor fattigdom*».

Familien vart ved [FT1865](#) registrert på Sagerød, [FT1875](#) kallar plassen Sagerød søndere, løpenr. 197b1 i Nittedal prgj.

Karoline ^A vart mor til ein gut 1/12-1880. Guten fekk same namn som [kongen på hesten](#) på Slottsplassen, **Karl Johan** ^{AI}. Han vart døypt i Nittedal krk. [6/3-1881](#)^[#1]. Vel ein månad seinare, [24/2-1881](#)^[#6] døydde ho **Karoline** ^A. Ministerialboka syner at dødsårsak vart notert som «*kjertelbetennelse*». Ho vart gravlagd ved Nittedal krk. 6/3 s.å.

Kone **Karen Haagensdtr** døydde på Sagerød [25/2-1887](#)^[#4]. Ho vart gravlagd ved Nittedal krk. 10/3 s.å. *Opgiven Dødsarsag* var «*Kræftsvulst*».

Edvard ^B gifta seg i Nittedal krk. [30/12-1884](#)^[#6] med **Bolette Marie Jensdtr**. Ho var dotter til **Jens Ulrikson Hiltoneige** og **Berte Olsdtr Skalsægeige**, fødd på [Skalsægeige](#) i Skedsmo 28/9-, dpt Skedsmo [25/8-1857](#)^[#95], konf Skedsmo [6/10-1872](#)^[#88].

Sonen **Emil Herman** ^{BI} vart f i Finstuen under [Hauger](#) 12/5-, dpt Nittedal krk. [7/6-1885](#)^[#12]. Dei neste borna kom til verda på Sagerød. **Juliane Emilie** ^{B2} f 1383-, dpt [17/4-1887](#)^[#4]. **Cornelius Marius** ^{B3} f 23/12-1888, dpt [27/1-1889](#)^[#2] og **Mathilde** ^{B4} f 4/5-, dpt [18/6-1893](#)^[#11].

Ved [FT1891\(61\)](#) finn vi på Sagerød [[Husliste](#)] **Jens Erlandson**, sonen **Edvard** ^B med kona **Marie** og borna **Juliane Emilie** ^{B2} og **Cornelius Marius** ^{B3} – samt dottersonen **Karl Johan** ^{AI}. Her budde og dagarbeidar **Kristian Kristensen** f 1853, «*Logerende hørende til Familien*». - Det vart då notert at **Jens Erlandson** var blind og fekk stønad frå *Fattigvæsenet*.

Edvard ^B døydde på Sagerød [18/5-1897](#)^[#3]. Det vart notert «*Sukkersyge*» som dødsårsak. Han vart gravlagd/jordfesta ved Nittedal krk. 25/5 s.å.

[FT1900](#) syner at enkjemann **Jens Erlandson** då budde i Haakenstadstuen gnr. 38/5 i Nittedal. Her var og enka [Kirstine Haakenstad](#), - **Bolette Marie** samt borna **Juliane Emilie** ^{B2}, **Cornelius Marius** ^{B3} og **Mathilde** ^{B4} finn vi i [FT1900](#) busette i [Islandsgate 10](#) i Kristiania. Her budde og [Kristen Kristensen Bergbakken](#) frå Koppang, Østerdalen. - **Bolette Marie** var i 1900 *Fyrstikkerarbeiderske*. Ein kan undrast på om ho hadde arbeid hjå «[Nittedals Tændstikkefabrik](#)».

Juliane Emilie ^{B2} vart konfirmert i [Vålerenga krk. 13/4-1902](#)^[#27], **Kornelius Marius** ^{B3} konf Vålereng krk. [19/4-1903](#)^[#14] og **Mathilde** ^{B4} konf. Vålerenga [6/10-1907](#)^[#28].

Når vi kjem fram til [FT1910](#) ser vi at **Jens Erlandson** då var komen på «*Pleiehjem*». Her døydde han [21/8-1915](#)^[#4], 92 år gamal. Han vart gravlagd ved Hakadal krk. 28/8-1915, jordfesta 5/9 s.å.

[FT1910](#) fortel vidare at **Bolette Marie**, **Emilie**, **Marius** og **Mathilde** framleis budde i Islandsgate 10. Dei var alle, bortsett frå Emilie, fyrstikk-arbeidarar. Emilie var «*arbeidsudyktig*».



Barbro Erlandsdtr, syster til Jens, vart gift i Gjerdrum

Barbro kom til verda på [Bøeige](#) 12 i Aurdal sokn 4/2-, dpt i Aurdal krk. [27/2-1825](#)^[#12], konfirm. Aurdal krk. [9/6-1839](#)^[#36]. Ho kom i 1849 til [Gjerdrum](#) som tenestjente på [Fossumeige](#) – og som innflyttar hadde ho synt fram attest frå [sokneprest Melbye](#) i Aurdal datert [19/7-1850](#)^[#3]. [4.juledag 1852](#)^[#8] gifta **Barbro** seg i [Heni krk.](#) med *ungkarl og ridende Jæger* **Lars Hanssen** Gistie.

Han **Lars** var fødd på [Hønsi](#) i Gjerdrum 24/6-, døypt [8/7-1827](#)^[#12] og konfirmert [9/10-1842](#)^[#15]. Foreldra hans var *gaardbruger*paret på Hønsi; [Hans Gulbrandsen](#) og [Marthe Olsdtr.](#) Dei er nemnde i Gjerdrum bygdebok 1, [side 508/509](#).

Barbro og **Lars** vart foreldre til **Anders** ^A f 4/6-, dpt Heni sokn [30/6-1850](#)^[#37]. **Ole** ^B f [Gisti](#) 2/10-, dpt [6/11-1853](#)^[#59]. **Marthea** ^C f Gisti 11/14-, dpt Gjerdrum krk. [17/2-1856](#)^[#10] – faren vart då nemnd *inderst*. **Marthea** ^C døydde på [Brotnu](#) i Nannestad [7/11-1856](#)^[#60], gravlagd ved Holter krk. 13/11 s.å. **Martin** ^D f Brotnu 3/10-, dpt Nannestad [29/11-1857](#)^[#134]. **Hans Jakob** ^E f Brotnu 18/5-, dpt Nannestad [27/5-1860](#)^[#87]. **Karl Einar** ^F f Brotnu 26/6-, dpt Nannestad [12/7-1863](#)^[#85]. **Lars** ^H f Brotnu 15/12-, dpt Nannestad [26/12-1865](#)^[#133]. - Familien finn vi ved [FT1865](#) busette på *Brotnov*(Brotnu) i Nannestad prgj. Dei er nemnde som husmannsfolk under Nordstun Brotnu i Nannestad bygdebok band 2, (Holter sokn) [nedst på side 327](#). ([Varig lekkje](#))

[9/4-1866](#)^[#7-14] fekk familien utflyttingsattester frå Nannestad prgj. med reisemål Amerika. Eg er trygg på at det er familien frå Brotnu vi finn som passasjerar på [barken Nordlyset](#)^[#1-8], sjølv om dei har fått misshandla gardsnamnet sitt (Brotnu-*Brahuer*). Dei reiste frå Kristiania 18/4- og var framme i Quebec 24/5-1866. - Det er vel [Barbro](#) og [Lars](#) med sønene [Ole](#), [Martin](#), [Hans](#) og [Lars](#) vi finn i Census 1870 for Minnesota. **Karl Einar** ^F døydde [10/1-1870](#) i [Morris, Stevens Co.](#), MN. **Barbro** og **Lars** fekk sonen **Karl(Charl) Otto** ^I i Morris [27/10-1873](#) - [Census 1880](#) plasserer familien i [Framnas Twp.](#), Stevens Co., Minnesota.

I USA er det gjort eit grundig arbeid med etterslekta til **Barbro** og **Lars**. Mykje av dette er å finne hjå «[findagrave.com](#)». Her kan nemnast at **Lars** døydde [16/1-1892](#) medan **Barbro** levde inn i det nye hundreåret. Ho døydde [20/12-1904](#).

Lat meg, «[mot normalt](#)», ta med nokre tilleggsopplysningar frå «over there». [Nina Elvira Hanse](#), barnebarnet til **Lars** ^H vart 23/10-1937 gift med Walter Joel Kjera. Han var son til John J Kjera og [Sophia Regina Hippe](#). - Det synt seg at [Sophia Regina](#) var dotter til Ivar Ivarson ([1847-1927](#)) frå Hippe og Anne Eriksdtr ([1856-1922](#)) frå Onstadmarken i Aurdal.



Barbro, Lars og borna – bilete henta hjå Findagrave



Ungguten frå Hedalen lærde hjulmakarfaget i Kristiania Seinare praktiserte han lærdomen i Nittedal Sonen tok same yrkesval



Kari Olsdtr og Erik Andersson på nørde Berg i Hedalen vart foreldre til ein gut 8/9-1820. Guten fekk, i Hedalen stavkrk, 7/1-1821[#6] namnet **Andreas**. – Han fekk utflyttingsattest frå Sør-Aurdal prgj. 31/3-1840[#2] med reisemål Christiania, der han skulle gå i lære for å bli hjulmakar. (G&BiSA D s142)

Han har synt fram ei attest frå Søndre Ourdal datert Vaaren 1838. Denne er innført hjå Vor Frelsers krk. 1841 og inneheld «Dåbs og Conf att. fra pastor Østvold». 1/10-1845[#19-20] har han meldt flytting frå Vor Frelsers- til Garnisonsmenigheten i Kristiania. Ungkarslivet var snart over !

2/10-1845[#55] gifta hjulmagersvend Andreas Eriksen seg med pigen Birte Gurine Olsdtr. Ho var f i Christiania ikr. 1822, far hennar var Arbejdsmd Ole Gulbrandsen. Dei vart foreldre til dottera **Anne Karine** f 21/4-, dpt Garnisonskrk. 5/9-1847[#57] .

Enkemand, Hjulmagersvend Andreas Eriksen, 34 ½ , i Ager gifta seg for andre gong i Aker prgj. 9/4-1855[#49] med Pigen Cecilie Marie Pedersdtr 38 ½ år gml. Eg går ut frå at det henne vi finn 6/10-1826, dpt (Sille Marie) Fredrikshald 9/3-1817[#8], dotter til arbejdsmand Peder Christophersen og Marie Svendsdtr. Paret budde ved FT1865 i Hagen, Rotnæs teljkrins i Nittedal.

Hjulmakaren vart snøgt enkjemann att. **Marie Cecilie** døydde av Brystsyge på Hougseie i Nittedal 25/10-1867[#24], jordfesta. Nittedal 1/12 s.å.

‘Alle gode ting er tre’ har vel hjulmakaren tenkt - han starta tredje ekteskapet i Nittedal krk. 2/2-1869[#1]. No heitte brura **Dorthea Gulbrandsdtr**. Ho var dotter til Gudbrand Jensen og Aase Pedersdtr, f på Rotneseige 2/5-, dpt Nittedal 7/6-1830[#30], konf Nittedal 6/10-1844[#24].

Sonen **Oluf Edvard** vart fødd på Haugseige 23/7-1869, dpt Nittedal 16/1-1870[#1], konfirmert i Nittedal krk. 12/10-1884[#6]. Familien var ved FT1875 busett i Møllerbakken, løpenr 2074a i Nittedal prgj.

Kone **Dorthea Gulbrandsdtr** døydde i Aashagen 13/9-1890[#8]. Ho vart gravlagd ved Nittedal krk. 20/9 s.å. Ministerialboka syner at «Opgiven Dødsaaarsag» var Nyresygdome.

Framme ved FT1891 finn vi i teljkrins 2, Markerud, hjulmakar **Andreas Eriksen** (Husliste), sonen, hjulmakerarb., **Oluf Eriksen** og hushalderske Mina Amundsen, f 1871 i Nes på Romerike. Ho vart avmerka som «Logerende hørende til Familien».

Oluf Eriksen og **Mina Jonette Amundsen** gjekk inn i ektestand i Nittedal 27/5-1893[#1]. Mina var fødd på Skøyeneige, Nes på Romerike 20/1-, dpt Fenstad krk. 26/1-1871[#9], konf Fenstad krk. 11/10-1885[#19]. Ho var dotter til husmannsparet Amund Nilson og Anne Marie Olsdtr.

Mina Jonette og **Oluf** fekk døtrene **Dagmar Marie** f Åshagen 12/6-, dpt 23/7-1893[#17], konfirmert Nittedal 29/9-1907[#25] og **Anna Lovise** f Åshagen 17/10-1895, dpt Nittedal 24/5-1896[#7], konf 9/10-1910[#10].

Familien budde ved FT1900 på Lunde under Aas gnr 4/22 i Nittedal. Her vart **Oluf Eriksen** notert som «Husfader». Vi kan og leggje merke til at dotter til Andreas, **Anne Eriksen** vart registrert saman med familien. - Enkem. Hjulmager Andreas Eriksen døydde på Lunde(Klova) 6/9-1904[#10], gravlagd/jordfesta ved Nittedal krk. 15/9 s.å.

Framme ved FT1910 ser vi at familien budde i Jonsløyken, gnr 4/3 i Nittedal. «Bygdebok for Nittedal og Hakadal» gardshistorie. 1:Nittedal fortel på side70 at **Oluf Eriksen** fekk heimel til Jonsletta gnr 4/3 i 1902.

Hjå DISgravminner finn vi at **Mina Jonette** døydde 22/12-1944, gravl 29/12 s.å. og **Oluf Edvard** døydde 15/6-1945, gravl 20/6 s.å.. Dottera **Anna Lovise** døydde 19/2-1976, gravl 27/2 s.å.

Dagmar Marie døydde 28/8-1983, gravl 22/6-1984. Ho var gift med **Halvor Christoffersen**. Mykje tyder på at han var son til jordarb. Kristoffer Halvorsen og Karen Gustava Johannesdtr, fødd på Gulskogen 28/8-1888, dpt Strømsgodset krk. 3/3-1889[#3]. Han budde ved FT1910 på Mørk søndre, gnr 1/1 i Hurum kommune. Han døydde 8/8/1971, gravl 13/8-1988. Alle kviler på Nittedal kyrkjegard. **Eva Johannesen**, frå same gravstein og FT1910, vart truleg døypt i Nittedal 25/12-1905[#18].

Hjulmakarar i folketeljingane



Område / Teljingsår	1801	1865	1910
Østfold	1	30	58
Akershus	2	55	71
Kristiania	0	48	71
Hedmark	0	17	44
Oppland	0	17	17
Buskerud	3	60	64
Vestfold	0	30	41
Telemark	0	16	37
Aust-Agder	0	3	20
Vest-Agder	1	12	33
Rogaland	0	3	21
Hordaland	0	0	21
Bergen	0	3	14
Sogn og Fjordane	0	3	6
Møre og Romsdal	0	0	4
Sør Trøndelag	8	9	19
Nord Trøndelag	0	5	6
Nordland	0	1	3
Troms	0	0	0
Funmark	0	0	0
Samla	15	312	550



I folketeljingane fann eg desse personane frå Valdres:

År 1865

[Erik Reiersen. F 1821, Slidre Valdres](#)

[Ole Jørgensen \(f. 1849 Valdres\)](#)

[Andreas Eriksen \(f. 1820 Ourdal, Valdres\)](#)

[Ole Knudsen \(f. 1835 Søndre-Aurdal\)](#)

Christiania: Hausmangsgaden

Christiania: Rosenkrantzgaden

Nitedal: Hagen

Søndre Aurdal: Nordfjeld

Husfader g Hjulmagersvend

Hjulmagerlærling

Hf g Forpagter, Hjulmager

Logerende ug Hjulmager

År 1910

[Gunder Andersen \(f. 1857-03-05 Nordre Aurdal\)](#)

[Ole Bergli \(f. 1893-08-04 Bang Valdres\)](#)

[Thomas Ulven \(f. 1875-03-05 Vestre Slidre\)](#)

[Even Bergli \(f. 1889-09-29 vestre Slidre\)](#)

[Peder Engen \(f. 1882-09-19 Valdres\)](#)

[Martin Olsen Berg \(f. 1861-05-05 Søndre Aurdal\)](#)

Nordre Aurdal: Berg

Ringsaker: Ekerdalen øvre (gaard)

Gjøvik: Storgaten 33

Ringsaker: Ekerdalen øvre (gaard)

Gjøvik: Bakkegate 4

Søndre Aurdal: Berg

el ug Hjulmaker

s ug hjulmaker

fl ug Hjulmagersvend

s ug hjulmaker

el ug Hjulmagersvend

hf e Hjulmager



Ho Astri var innom Skedsmo og budde lenge i Nittedal

[5.Martii 1843](#)^[#4] vart *Ungkl Murerarbd Johannes Andreas. BjølsenEie i Ager*, gift med *Pige Astri Olsd Nittesund*. Brudgommen var 22 11/12 år gml, fødd på *BrønneEje* i Aker, brura var fødd i *Sønd Ourdal*, 35 1/6 år gml.

Det ser ut til at **Astri** kom til verda på [Haug i Bruflat](#) sokn 13/1-, dpt [Bruflat krk. 29/1-1809](#)^[Vside,3.ovanfrå]. Foreldra hennar var **Ola Erlandson** og **Kari(Karen) Mikkelstr.** Dei hadde gifta seg i [Hedalen stavkrk. 5/10-1806](#)^[Hside,6.nedanfrå]. Eg undrast på om det er **Ola Erlandson**(Ellenson) vi finn ved [FT1801](#) på Østegaard([Austegard?](#)), Ourdahl prgj. - Korkje **Astri** eller foreldra hennar er nemnde i «*Gard og byggd i Etnedal*», men dei kan finnast i [databasen SAGA](#). (Krev registrering)

Frå innførsla ved bryllaupet ser vi at far til **Johannes** vart skriven **Andreas Gulliksen**. – **Johannes** og **Astri** vart foreldre til: **Anne Sørine** ^A f [Kragerudeige](#), Skedsmo 15/4-, dpt Skedsmo [4/6-1843](#)^[#35]. **Marthe Marie** ^B f [Fossumeige](#), Skedsmo 1/7-, dpt [17/8-1845](#)^[#50], konf Nittedal krk [30/9-1860](#)^[#19]. **Johanne** ^C f 1849.

[FT1865](#) syner at **Marthe Marie** ^B då budde hjå foreldra på Høibraaten lno. 193c i Nittedal. **Johanne** døydd av tæring på [Høibraaten](#)(Rudsødegårdseiet)[10/8-1861](#)^[#20], gravl Nittedal kyrkjegard 18/8 s.å. **Marthe Marie** døydd "*Efter flere Aars sygelighed og lang tids sængeleie*" på Rudsødegard [1/11-1869](#)^[#13], gravlagd på Nittedal kyrkjegard 14/11 s.å.

Når vi kjem fram til [FT1875](#) finn vi at **Johan Andreassen** då var sjølveigar av Høibratten, lno 193c. Dottera **Anne Sørine** ^A var fyrstikkarbeidar ved [Nitedals Fyrstikfabrik](#). Ho hadde då dottera **Augusta Josephine** ^{AI} f 18/2-, dpt Nittedal [21/6-1868](#)^[#31], konf Nittedal [8/10-1882](#)^[#31]. Far til jenta er oppgjeven til å vera **Laurits Pettersen, ungar og Gaardsdræng på Tomt i Skedsmo**.

Johan Andreassen er nemnd i «*Bygdebok for Nittedal og Hakadal*». 1:Nittedal – [side 166](#).

Astri Olsdtr døydd på Rudsødegård i Nittedal [3/6-1885](#)^[#4], gravl 10/6 s.å. Som dødsårsak er skrive «*Maaske Slag*».

Augusta Josephine ^{AI} gifta seg i [Hakadal krk. 17/5-1899](#)^[u.nr.] med jernbanearb. **John Hansen**. Han var son til inderstfolka [Hans Pederson Fævolden](#)(under S Fron prestegard) og [Anne Olsdtr](#), f 17/6-, dpt [Sør-Fron krk. 26/6-1874](#)^[#65], konf S Fron [12/5-1889](#)^[#35].

Augusta og **John** budde ved [FT1900](#) på Døhlie i Nittedal. Dottera **Valborg** ^{AI1} vart f på Døli 11/5-, dpt Hakadal [3/9-1905](#)^[#11].

DISgravminner syner at **Augusta Josephine** ^{AI} døydd [25/2-1931](#), gravl Hakadal 4/3 s.å. **John Hansen** døydd [10/5-1964](#), gravl Hakadal 16/5 s.å. - **Valborg** ^{AI1} døydd [8/7-1998](#), gravl Hakadal 17/7 s.å. Ho deler gravstein med **Kristian Lorang Hansen** død [10/3-1987](#), gravl 19/3 s.å. Det er vel han vi finn i [FT1910](#) i Bergensgate 5 i Kristiania, son til [Christian Lorentz Hansen](#) og [Hilda Antonie Nilsen](#).



Postkort: Nittedal Jernbanestation

Heradskasseraren likte Valdresjenter særleg dei som var jordmødre

12/6-1869 vart [Berit Ellingsdtr](#) og [Jon Torsteinson](#)(Tøstein-) foreldre til ei jente. Bygdeboka, «*Gardar og slekter i Vang*» [band C, side 212](#), plasserer desse ektefolka i «Systøga av Nerre(Nørre) Vøvle», [gnr 98/1 i Vang](#). Jenta fekk [25/7 s.å.\[#46\]](#), i [Høre stavkrk](#). namnet **Berit**, oppattkalling av mormora. Vi finn henne ved [FT1875\[#6\]](#) på nerre Vøvle, løpenr 161 i Vang – saman med ein bror, tre systre, mormora Anne Andersdtr og syskena til mora; Anne Ellendsdtr og Ola Ellendson. Ho **Berit** vart konfirmert [29/6-1884\[#1\]](#). Ho budde framleis på nerre Vøvle, gnr 98/1 ved [FT1891](#).

Så har nok ho **Berit** teke yrkesvalet sitt. Ved [FT1900](#) vart ho registrert både på [Fredheim gnr 42/1](#) og på [Rogstad](#) gnr 3/1 i Gjerdrum. Ho var då «*jordemoder*» med «*Sedvanlig bosted*» i Ask, Gjerdrum. Kva ærend ho hadde på Rogstad fortel teljinga ikkje noko om, men sikkert er at **Berit** [22/4-1902\[#1\]](#) gifta seg i Heni kyrkje med heradskasserar **Hans Bernhard Rogstad**, son til [Kristine Olsdtr](#) og [Hans Hanson](#). **Hans Bernhard** var fødd på Rogstad 22/4-, dpt Gjerdrum [1/6-1873\[#27\]](#), konf Gjerdrum [7/10-1888\[#1\]](#). Bustad ved [FT1875](#) var Rogstad lno 5a i Gjerdrum, [FT1891](#) og [FT1900](#) syner Rogstad, gnr 3/1 i Gjerdrum.

Berit og **Hans Bernhard** vart foreldre til: **Kirsten Helene** f [Fødselsstiftelsen](#), Kristiania 24/11-, dpt Fødselsstiftelsen [29/11-1902\[#400\]](#), konf [Gjerdrum krk. 30/9-1917\[#1\]](#). Så kom sonen **Hans Botolf** f Fredheim(Ask), Gjerdrum 26/1-, dpt [Heni krk. 2/4-1905\[#7\]](#). [FT1910](#) syner familien busett i Gjerdrum, på Rogstad nordre gnr. 3/1.

[Lokalhistoriewiki.no](#) har ein [artikkel om Hans H Rogstad](#). Her er fortalt at han døydd 1960, gravlagd på Gjerdrum kyrkjegard. [Artikkelen om Berit Rogstad](#) syner at ho døydd 13/2-1937, gravlagd Gjerdrum kyrkjegard.


Hjå DISgravminner finn vi **Kirsten Helene (Rogstad) Borlaug** (f 24/11-1902) død [31/7-1992](#), gravl [Oddernes nye kirkegård](#). Ho deler gravstein med **Arne Borlaug**, son til [Kari Jonsdtr \(Hegg\)](#) og [Lars Larsson \(Borlo/Borlaug\)](#); sjå databasen [Inner Sogn Genealogy \(Neil Hofland\)](#). **Arne** var fødd på [Lo i Haugsbygd](#) 7/11-, dpt [Haug krk.](#) Ringerike [26/12-1904\[#28\]](#), konf Haug [4/5-1918\[#5\]](#). Han vart ved [FT1910](#) registrert på [Loe, gnr 132/3](#) i Norderhov kommune. Vi finn òg **Kirsten** og **Arne** nemnde i ein [profil hjå GENI](#).

«*Norske Gardsbruk*»(Akershus utg. 1941) fortel på [side 421](#) at **Hans Botolf Rogstad** vart gift med **Else Hveem**. Klokkebok I6 for Gjerdrum syner at dei gifta seg i Kristiania [26/1-1935\[#0\]](#), men referansa til kyrkja i Oslo greier eg ikkje å løyse. **Else Hveem** var dotter til [Emma Antonie Bjerke](#) og [dyrlæge/veterinærkaptein Lauritz Hjalmar Hveem](#). Ho var fødd på [Engerhaugen](#) i Nannestad 9/11-1908, dpt Nannestad krk. [3/1-1909\[#2\]](#), konf [Hovin krk. 5/10-1924\[#15\]](#).

På [Taugland\(nordre\)](#), gnr 147/1 i Ullensaker ([Panteregisterblad](#)), hadde det flytta inn ein familie frå Valdres. Ei av døtrene, **Gro** (Pedersdtr), f Røvang 22/3-, dpt [Lome stavkrk. 24/6-1888\[#2\]](#), konf. Hovin krk., Ullensaker [5/10-1902\[#26\]](#). [Hjelleødegaarden](#) var adresse ved [FT1891 \(Husliste\)](#). Ho var ved [FT1900](#) og [FT1910](#) busett på Tau(g)land.

Distriktsjordmor, Ullensaker - **Gro Rødvang** gifta seg [1/7-1939\[#0\]](#) med førnemnde heradskasserar **Hans Bernhard Hansen Rogstad**. Ho har òg fått si [side på Lokalhistoriewiki](#). **Gro** døydd [10/8-1967](#) og vart iflg DISgravminner lagt til kvile ved Hovin krk 16/8 s.å.

Ein tabell med «Jordmorstatistikk» finn de [på denne lekkja](#).




Postkort frå Gjerdrum




Nordgarn Rogstad – frå «Norske Gardsbruk» 1967

Fråstanden vert ikkje lang innan vi finn Søgarn Rogstad – dit kom det og ei Vangsjente.



Søgarn Rogstad – frå «Norske Gardsbruk» 1967



Postkort frå Gjerdrum

Jenter frå Valdres vart gifte på båe Rogstadgardane

I [Trefoldigheiskyrkja i Kristiania](#) vart det søndag [9/10-1910](#) (klokka 2) [#170] stifta ekteskap mellom *gaardmandsdatter* **Berit Ødegaard** frå *Vang, Valdres* og *gaardbruger* **Hans Jacob Rogstad** frå Gjerdrum. Forlovarane var båe *Handelsborgarar*; Nils Ramnæs og Ole Olsen.


Berit var fødd på (Dals-)øydgården 10/11-, dpt Vang krk. [25/12-1883](#) [#19] og konfirmert i Vang [5/6-1891](#) [#29]. Ho var dotter til [Andris Toreson](#) og [Synnøve Eivindsdr.](#) Vi finn henne ved [FT1891](#) på [Dalsøydgården gnr 78/1](#) i Vang. ([Husliste](#)) – Ho budde då saman med foreldra, fire systre ([Kari](#), [Dorte](#), [Guri](#) og [Ingebjørg](#)) samt farfaren [Tore Knutson](#). **Berit** var også busett på *Dalsødegaarden* gnr. 78/1 ved [FT1900](#). «*Norske gardsbruk Valdres*» 1950 har Øydgården gnr 78/1 på [side 563](#).

Hans Jacob Rogstad var son til [Hans Sigvart Jensson Rogstad](#) og [Maren Hansdr. Rogstad](#). Han kom til verda i Søgarn Rogstad 22/12-1876 og vart døypt i Gjerdrum krk. [14/1-1877](#) [#3], konf Gjerdrum [2/10-1892](#) [#6]. [FT1891](#) syner at han budde på [Rogstad gnr 4/1](#) i Gjerdrum medan [FT1900](#) syner at han budde på Rogstad gnr 1/2 i Gjerdrum. - Der har det nok «krølla seg litt» - det skanna teljeskjemaet syner gnr 1/2 – medan den hin delen av garden, iflg bygdeboka kalla [Arstun](#), har gnr 4/2.

Bygdeboka for Gjerdrum fortel på [side 61](#) at foreldra til **Hans Jacob** var syskenborn – og vidare at **Hans Jacob** var ordførar i Gjerdrum i tida 1933-1945 og at han døydde 1946.

Berit og **Hans Jacob** vart foreldre til dottera **Berte Margrete**, f 9/2-, dpt Gjerdrum [22/3-1914](#) [#4], konfirmert Gjerdrum [7/10-1928](#) [#6]. «*Norske Gardsbruk Akershus*», bd. 2 (1967) syner på [side 283](#) at dåverande eigar var **Nils Isaksen**, gift i 1940 med **Berthe Margrethe**. Dei hadde dottera **Berit** f 1946.

Det ser ut til at **Nils Isaksen** var son til [Isak Isakson](#) og [Anna Nilsdr.](#), fødd på [Sandstrand](#) i Trondenes 20/7-, dpt Trondenes krk. [6/11-1910](#) [#111], konfirmert [28/6-1925](#) [#127].



Ragnhild vart «gardkjæring» på østigard Skøyen bror hennar hadde gifta seg med syster til brudgommen året før

Ragnhild var det fjerde barnet i flokken til Jul Olson og Anne Toresdtr Hjelle på Sofienlund i Aurdal. Ho var syster til **Ole Lund** i stubben «Lensmennene i Valle i Setesdal» og **Tore Lund** i stubben «Seminaristen frå Aurdal..». Ho var fødd 8/11-, dpt i Aurdal kyrkje juledagen 25/12-1845^[#57], konfirm. Aurdal krk. 1/7-1860^[#3]. Vi finn henne ved FT1865 på Sophienlund lno. 272 i Nordre Aurdal prgj. saman med foreldra, fire brør, tre systre og ei svigerinne.

Veslebror til Ragnhild, **Ola Julson** f 1849 gifta seg i Nittedal krk. 19/6-1871^[#8] med Thea Josefine Skøyen f 1850. Der var kanskje slik ho Ragnhild vart kjend med **Peder Halvorson**, storebror til Thea. I alle fall finn vi henne **Ragnhild Julsdtr** som brur i Nittedal krk, 19/3-1872^[#1], der ho då vert kona til **Peder Halvorson** Skøyen.

Brudgommen, **Peder Halvorson**, var son til gardbrukarparet Halvor Trondson og Anna Maria Jensdtr(f. Bjertnes) på østigarden Skøyen (Framme), gnr 12/1 i Nittedal. Han kom til verda på Skyset i Nittedal 13/8-, dpt i Nittedal krk.19/8-1827^[#37], konfirmert Nittedal 2/10-1842^[#1]. Vi finn **Peder** ved FT1865, busett på Skøyen lno 196a i Nittedal, saman med foreldra, systrene Elen Maria og Josephine samt to tenestfolk, Mathea Jensdtr. og Olaus Pederson.

Ragnhild og **Peder** vart foreldre til to born: **Halvor** ^A f Skøien 22/2-, dpt Nittedal krk. 20/4-1873^[#18], konfirmert Nittedal 30/9-1888^[#8]. **Julie** ^B f Skøien 12/3-, dpt Nittedal krk. 22/7-1877^[#22], konfirmert Nittedal 2/10/1892^[#27]. Vi finn **Halvor** ^A og foreldra på Skøyen østere ved FT1875 saman med farsystera Elen Halvorsdtr (f1843) og tenestfolka Ingebret Christensen f 1854 i Aurskog og Antonette Christoffersdtr. F 1853 i Nittedal.

Halvor ^A og **Julie** ^B fekk diverre ikkje mange år i lag med far sin. **Halvor** døydde 12/5-1882^[#9] på Skøyen, gravlagt ved Nittedal krk. 24/5 s.å. Det vart notert at dødsårsak var kreft. No sat Ragnhild att som enkje med to mindreårige born – og mykje ansvar.

Ragnhild Julsdtr var notert som hovedperson ved FT1891. På Skøyen fann vi vidare **Halvor** ^A **Pederson** f 1873, *sysselsat ved Jordbrugsarbeide*, systera **Julie** ^B **Pedersdtr**, *tjenesteyende Gustav Jensen* f 1854, d.o. Karl Fredriksen f Skedsmo 1868, Mari Hansen f 1859 på Jevnaker, *uttrådt av Statskirken, sysselsat ved Kreaturstel. Føderådsperson Ellen Halvorsdatter* f 1843, Lægdslern Johan Hansen f 1878, bortsett av Fattigvæsenet og tre «*Besøgende*»; syster til Ragnhild, syerske i Kristiania, Anne Julsdtr frå Aurdal f 1859 - Josefine Haug f 1864 i Feiring med sonen Daniel f April 1890 i Kristiania. Mannen til Josefine hadde yrket «*Fedevarebetjent*».

Vi treffer att *Gaardbrugerske* **Ragnhild Skøien**, sonen **Halvor** og dottera **Julie** ved FT1900 for *Skøien østre %midtre%* . – Attåt desse var det tre *Tjenestedrenge* August Antonsen f 1879, Thorvald Antonsen f 1879 og Lars Berntsen f 1885, pleiesonen Ole Ludvigsen f 1890 i Hakadal og budeie Olava Gulbrandsen f 1862 i Hakadal.

Ragnhild Julsdtr døydde av hjerneslag på Skøien 21/12-1906^[#14], gravlagt/jordfesta ved Nittedal krk. 29/12 s.å.

Innan **Ragnhild** døydde hadde ho fått oppleve at sonen **Halvor** ^A gifta seg. Dette hende i Jakobs krk. i Kristiania 3/7-1906^[#53] – og nykona på Skøyen vart **Ingrid Kristiansdtr Næss**. Ho var fødd på Rud, gnr. 53/1 i Enebakk 26/10-, dpt i Enebakk krk. 3/12-1882^[#79] og konfirmert i Enebakk 26/9-1897^[#6]. Foreldra hennar var Kristian August Pederson Næss og Karen Johanne Rammelsdtr, bae iflg FT1891 fødte i Kristiania. Dei vart i FT1891 (1,2) telde på Rud gnr 53/1 (Husliste) saman med borna Kristoffer(1880), Ingrid, Rolf(1885), Elise(1887) og to tenestfolk.

Ingrid var også ved FT1900 å finne på Rud gnr. 53/1. Familien er omtala i Enebakk bygdebok 3: *Gards- og slektshistorie for Dalefferdingen, Ytterbygda med Brevikkroken, Rausjø* på side 61.

Så vart det atter barneskrik på Skøyen. Den fyrstefødde fekk namnet **Ragnhild** ^{AI} etter farmora. Ho kom til verda på Skøyen 16/5-, dpt Nittedal krk. 7/7-1907^[#10], konfirmert prestens kontor, Nittedal 9/10-1923^[#23]. Så kom **Karen** ^{A2} f Skøyen 25/4-, heimedpt 11/10-, dpr Nittedal krk. 27/12-1908^[#15], konfirmert Nittedal 7/10-1923^[#11]. **Inger Hildur** ^{A3} f 11/12-1909, dpr Nittedal krk. 15/5-1910^[#8], konf Nittedal 5/10-1924^[#5]. Så kom **Per** ^{A4} f 15/3-1914, dpt Nittedal 15/2-1915^[#2], konf Nittedal 1928^[#5]. Vi finn familien på Skøien gnr 12/1 ved FT1910. Attåt ‘sjølvfolket’ og tre døtre finn vi Enepike Emilie Udin frå Sverige, den ti år gamle Anna Kristoffersen, understøtta av Nittedal fattigvæsen, Vidare var det to karar, bae frå Nittedal, «*sysselsat med gaardsarbeide*»; Hans Kristiansen(f1871) og Sigurd Martinsen

(f1894). I tillegg kom disponenten ved Nittedal Torvstrøfabrik, Ragnvald Huseby(1869) og kona Nini(f Tyskland 1874) samt borna deira, Aranka(1897), Birger Moestue(1898) og Finn Moe-stue(1905) og Dorthea Olsdta (844), enepike for familien.

Per ^{A4} vart gift med **Else Marie Larsen** frå Slattum i Nittedal. DISgravminner fortel at ho **Ragnhild** ^{A1} døydde [18/3-1932](#), gravl. 19/7-1937. **Halvor** ^A døydde [14/7-1937](#) medan **Ingrid** døydde [20/2-1966](#). **Per** ^{A4} døydde [30/3-1981](#), **Else Marie** døydde [30/11-2013](#). Dei kviler alle ved Nittedal krk.

Skoien, Østre

Gnr. 12, bnr. 1, 8. Postadr. Nittedal. Tlf. S. Nittedal 4.

Innm. 180 mål, kulturbeite 10 mål, prod. skog 400 mål. Leirmold. – Hovedbyggn. i 2 etasjer oppf. 1898, låve, fjøs og stall 1885, drengestue, stabbur, hønsehus og grisehus eldre. 3 hester, 16 storfe, 6 småfe, 3 avlsgriiser, 10 slaktegriiser, 125 høns. – Eieren overtok gården 1905 sammen med sin mann og har drevet den alene siden hans død.

Eier: Enkefru Ingerid Skoien, f. 1883, g. 1905 m. Halvor Skoien. Barn: 1 gutt og 4 piker. Sønnen Per, som arbeider på gården, har gjennomgått Follo lbr.skole.



Frå «Norske gardsbruk: Akershus fylke (utg. 1941) - [side 709](#)

De finn meir om Østigarn Skøyen i «Bygdebok for Nittedal og Hakadal» gardshistorie I: Nittedal - på [sidene 212-214](#). Her finn vi m.a. eit *Amerikabrev* frå [Nils Sofienlund](#), bror til **Ragnhild**. Då eg ikkje trur dette vert teke inn i bygdebøkene for Aurdal sokn, kan eg gjerne ta det inn her. Brevet vart datert 6/12-1880:

Kjære Broder og Søster!

Jeg vil nu tage mig saa megen Tid at jeg kan tilsende Eder nogle Ord saa I kan faa høre hvorledes jeg lever. Jeg kan da fortelle at jeg kom vel hid den 1te June og alt gik mig vel paa reisen. Jeg kom til Nils Aavok og der var jeg i 8te Dage og saa hyrede jeg mig til Andreas Skogen i 5 Maaner og jeg har nu for en Tid siden tjent ud, og saa gik jeg paa Gjernbanearbeide nogle dage men nu er det saa koldt at jeg har sluttet, saa jeg vil legge mig ind for dette Aar. Jeg vil nu til at gaa paa Skolen i Vinter ogsaa skal jeg blive hos Andreas og arbeide til Morgen og Aften for Maden. Jeg har tjent mange Penger i Sommer men saa har det ogsaa gaaget mange da jeg var saa uheldig at forlise mit Tøie paa reisen. Her var det meget Varmt i Sommer saa du kan tro jeg fik Svette bra, men jeg var frisk helle Tiden. Her bruges Maskin til al Ting saa Arbeidet gaar hurtig men ganske let. Jeg reiste omkring med Træskemaskin i Høst og det kan du tro gaar hurtig og den kjøres med 10 Heste. Hestene her ere meget store, saa det er neppe man kan faa paa dem Begslet og nesten alle ere Lybsge saa man faar nok lære at kjøre her. Ligeledes andre Kreaturer ere meget store, og Griser og Høns har de en stor menge af. Landet her er meget Fruktbart og utrolig store slæter og plænti Skov. Her har været fint vær hele Tiden men i Minesota her de havt stærk Storm saa de kom ikke ud paa 3 dage og Folk og Kreaturer frøs igjel i mængde vis. Her er der mange Bekjente og Nils Aavok er en meget rig Man, han havde en 40 Styker Fæ og Høns og Griser havde han ikke tal paa, Jeg skulde hilse dig fra hans kone om du huskede at de vare i Bjørnestølen, hun trives meget godr her. Jeg har trives godt siden jeg kom her men det er ikke bra for Helsen at være her saa jeg vil reise tilbage igjen naar jeg har været her en Tid. Skriv nu Strax tilbage igjen saa var det vel. Lev dermed vel og en glædelig Jul og et godt Nytaar er de ønsket alle sammen.

Eder Broder Nils Sophienlund

Det var fleire av brørne hennar **Ragnhild** som har lete etter seg interessante skrifter. I «Gamalt frå Valdres» band VII, side 102 skriv [O.K. Ødegaard](#) om søknaden til skarpretarposten:

So får e ein dag eit brev me' innlagt søknad te justitsdepartementet um o bli antatt te skarprettar. E vart beien um o levere søknan te justisministern o gjera mitt beste før at'n vart go'takin. Søknan va frå ein i heile Valdres o noko viare me', kjend mann i Nord-Aurdal, so hadde vøre stor jordeigar i si ti, seinare slagtar o dyrlægekvalsalvar i bygden o no dreiv mest so vognmann på ruten Odnes-Lærdal, Mann eitte Ola Sofienlund. – Søknan va grei o original so mann sjølv, o noko tå søknae lydte so: «Som man ved har jeg i lengere tid befattet mig med dyrenes sykdommer, slaktning og kastrering, saa jeg er vis paa med sikker haand at kunne hugge hovedet av et menneske. Jeg kan desuden skaffe attest for at jeg er noenlunde edruelig og fører en noenlunde skikkelig vandel.» - Me desse søknae gjekk e då upp te Qvam i departementet o leverte dukkementa i hendadn på statsråe sjølv. Dæ vart ein munter latter i de' arværdige departement.

Bakaren ved Fetsund

Genmateriale frå Høre og Ulnes treftest på nedre Romerike

[8. januar 1864](#)^[#2] syner Ministerialboka for [Fet prestegjeld](#) at *bagersvend* **Knud Julsen** Rognaas vart gift med pige **Sofie Olsdtr** frå Bjanes. Forlovarane, [Jakob O-](#) og [Arne O Bjånes](#), var bae bror til brura. Garden vart skriven *Bjanes* ved [FT1865](#). Bygdeboka; *Bosteds- og slekthistorie for søndre del av Jaren, nordre del av Dalen* fortel på [side 138](#) at familien åtte [Bjanes søndre](#), gnr 47/2 i Fet.

Knud Julson kom til verda på [sørre Rugnus](#) ([Panteregister](#)) i Hippisbygden 26/7-, dpt i [Ulnes kyrkje](#) [29/9-1833](#)^[#50]. Foreldra hans var [Jul Helgeson](#) ([1802-1876](#)) g [1826](#) m [Randi Knutsdtr](#) ([1804-1847](#)). **Knud** vart konfirmert i Ulnes kyrkje [16/7-1848](#)^[#6]. Han må så ha flytta til Kristiania – *bagersvend* **Knud Juels Rognaas**, 30 år gml., melder i 1861 innflytting frå Christiania til Fet prgj. – innført i Fet ministerialbok i [1863](#)^[#58]. Han oppheld seg då på Østresund og hadde med flytteattest av 16/12-1863 frå *Fangen*. Om dette var [Anton Wilhelm Fangen](#), prest i Vestre Aker, er inga utflyttingsmelding å finne der.

Sofie Olsdtr var dotter til *gaardmand* [Ole Arneson](#) Bjanæs og kona [Marte Jakobsdtr](#). **Sofie** var fødd på Bjanes 9/5-, dpt i Fet krk. [17/5-1854](#)^[#11] og konfirmert [1/10-1854](#)^[#7].

Sofie og **Knud** vart foreldre til **Dina** ^A f 4/5-, dpt Fet krk. [22/5-1864](#)^[#23], konf [5/10-1879](#)^[#2]. Så kom ein gut, f 27/9-, som [22/10-1865](#)^[#58] fekk namnet **Olai** ^B. Han vart konfirmert [10/10-1880](#)^[#1] - Ved [FT1865](#) finn vi familien busette ved Østresund i Fet. Dei hadde då tenestjenta Karen Oline Andersdtr frå Aurskog.

Dottera **Martine** ^C vart fødd ved Østresund 26/10-, dpt [17/11-1867](#)^[#41], konf. [1/10-1882](#)^[#3]. **Juliane** ^D f Østresund 3/3-, dpt Fet [12/5-1872](#)^[#24], død (av *halsesyge efter mæslinger*) [9/2-1974](#)^[#9], gravl. 17/2 s.å. Ved [FT1875](#) var familien busette på [Rosenlund](#) Ino 66b3 i Fet. **Knud** hadde då to *Bagergutter*, Kasper- og Otto Olsen frå Fet samt ei tenestjente, Marte Kristoffersdtr frå Aurskog. – Det ser ut til at **Knud** har byrja å bruke *Juul/Juel* som slektsnamn ikr. 1876-1880. – Pige **Dina** ^A **Juel** fekk utflyttingsattest med reisemål [America](#) [9/3-1883](#)^[#5] - utreist [20/9-1883](#).

No aukar familien med to døtre til. **Ingeborg** ^E f Rosenlund 22/8-, dpt Fet [20/10-1879](#)^[#39], konf [6/10-1895](#)^[#31] og **Ragnhild** ^F f Rosenlund 3/1-, dpt [11/3-1883](#)^[#10], konf [2/10-1892](#)^[#2]. [FT1891](#) plasserer familien på Rosenlund ([Husliste](#)). Dei hadde då Bernt Olsen f 1871 i Aurskog som bakarlarling. De finn lengre ute i webboka ein tabell over «[Bakarar i folketeljingane](#)» - Visa om den gamle bakeren [finn du her](#).

Knud Juel, *gift bager*, døydde på Rosenlund [18/3-1900](#)^[#6], gravlagd og jordfesta ved Fet krk. 27/3 s.å. Som dødsårsak er notert «[Influenza](#)». **Sofie Juel** døyrr eit halvår etter, [2/10-1900](#)^[#17], gravlagd og jordfesta ved Fet krk. 6/10 s.å. Her vart «*Opgiven Dødsaaarsag*» notert som [Bronkit](#).

Systrene **Martine** ^C, **Ingeborg** ^E og **Ragnhild** ^F budde på Rosenlund ved [FT1900](#). Dei hadde Gustava Nilsdtr f 1878 i Våler i Solør som «*enepige*». Ved [FT1910](#) er det berre **Martine** ^C som er busett på Rosenlund. Ho vart då skriven «*rentenist, gaardeier*». - *Bosteds- og slekthistorie for Roven, nordre del av Jaren*, [side 576](#) fortel historia for Rosenlund. [FT1910](#) syner at **Ragnhild** ^F **Juel** då var ugift lærarinne busett i Torvgate 11 i Skien.



Postkort frå Fetsund

Pige **Dina Knudsdt Juel** fekk 9. April 1883 utflyttingsattest med reisemål America.

Olai ^B **Juel** finn vi ved [FT1891](#) busett i Svingen gnr 37/8 i Fet. Han var då «*studerende, cand philos.*»

[FT1900](#) fortel at **Olai** då var *adjunkt* ved katedralskole, hadde stifta familie og budde på søndre Elgesæter, Øen. Han var då gift med **Gina Mathilde Hoel**, f Krokfoss, Ullensaker 19/10-, dpt Hovin krk. [25/12-1868](#)^[#191], konfirmert i [Langset kirke](#), Eidsvoll [14/10-1883](#)^[#58].

Gina Mathilde var dotter til *Brugsfuldmægtig* [Gudbrand Davidson](#) Hoel på Krokfoss og [Maren Johannesdtr](#). Familien budde i forvalterboligen på [Eidsvold Værk/Berger bruk](#) ved [FT1875](#). [Gudbrand](#) var fødd i Nannestad, [Maren](#) i Eidsvoll.

Gina Mathilde og **Olai B Juel** vart foreldre til ein gut 9/5-. Guten kom til verda på Berger Brug og fekk namnet **Gunnar B1** i [Eidsvoll krk. 13/8-1897\[#74\]](#) - [også innført](#) i Domkirken, Trondhei[utan nr]. Familien budde i [Elsætergate](#) då dottera **Solveig B2** vart fødd, 12/10-1899. Ho vart døypt i [Nidarosdomen 7/1-1900\[#1\]](#). [Eirik Jarlsgt 8](#) var adresse då sonen **Dagfin B3** opna augo mot verda, 23/2-, dpt i Nidarosdomen [2/5-1909\[#32\]](#). [FT1910](#) syner at familien då budde i Eirik Jarlsgt 8. **Olai B** var då «*Adjunkt ved Latinskolen*». Dei hadde Olga Eidem frå Selbu som tenestjente.

Hjå DISgravminner finn ein at **Gina Mathilde** døydde i 1933, gravl. [1/11-1934](#) medan **Olai B Juel** vart gravlagd [26/7-1938](#). Dei kviler på [Tilfredshet kirkegård](#) i Trondheim. På same gravnummer kviler og **Dagfin B3**, død 1985, gravl [6/5-1986](#). De kan lesa meir om **Dagfin Juel** i [Norsk Biografisk Leksikon](#). Boka hans, «*Folkestyre og byråkrati : velferdsstatens krise*» er skanna hjå [Nasjonalbiblioteket](#). Hjå WikiStrinda kan vi lesa at lektor og major **Gunnar B1 Juel** var gift med lærar Aslaug Malm. Sonen cand.med. [Erik Olai Juel](#) (3/6-1924 – [27/8-2004](#)) var gift med jordmor [Anne Elisabeth Haagensli](#)(18/3-1928 –[2009](#))

Ingeborg E gifta seg i Fet krk. [30/12-1909\[#16\]](#) med *gaardbr. og sersjant* **Magnus Torfred Kvaal**. Han var «halv Vangsgjelding», son til skulelærer [Kristoffer Kvaal](#) og [Josefine Kaspara f Svendsen](#). [Kristoffer](#) var son til inderstparet Knut Andersson og Marit Kristoffersdtr. Han var f på [Kvål](#) i Høre sokn 18/5-, dpt i [Høre stavkyrkje 3/7-1853\[#48\]](#), konfirmert [7/6-1868\[#21\]](#) (skreven Veflen). Han er nemnd på [side 231](#) i «*Gardar og slekter i Vang*» [band C](#). Familien budde ved [FT1865](#) på [øvre Vøvle \(Veflen øvre\)](#). [Kristoffer Kvaal](#) gifta seg i [Aurskog krk. 5/7-1878\[#12\]](#) med [Josefine Kaspara Svendsen](#), f Toverud i Aurskog 17/2, dpt [1/4-1855\[#47\]](#), konf Aurskog [25/9-1870\[#7\]](#). Ho var dotter til Karl Svendsen og Anne Marie Jonsdtr.

Magnus Torfred var fødd på Enerhaugen i Fet 20/3-, dpt i Fet krk.[3/4-1883\[#19\]](#), budde på [Skjelver](#) då han vart konfirmert, i Fet krk. [2/10-1898\[#27\]](#). [FT1900](#) syner at han då budde på Skjelver mellom - saman med foreldra og syskena Klara Marie (f [1881](#)), Peter Andreas (f [1885](#)), Signe Marianne (f [1887](#)), Knut Jørgen (f [1889](#)), Karl Josef (f [1892](#)), Anna Kristine (f [1894](#)) og Ragnhild Kaspara (f [1898](#)). Skjelver er omtala i «[Norske gardsbruk; Akershus fylke](#)» utg. 1941 - på [side 367](#).

Ingeborg E og **Magnus Torfred** finn vi ved [FT1910](#) på [Nergaard gnr 9/4](#) i Fet. Nergård er å finne i «*Bosteds- og slekthistorie Åkrene, Nerdrum, Fetsund, Falldalen*» på [side 207](#).

Sonen **Torstein Ivar E1** vart f 5/5- på Skjelver, dpt Fet krk. [11/6-1911\[#16\]](#), konfirmert Fet [4/10/1925\[#53\]](#). **Inger Marie E2** f Skjelver 22/11/1912, dpt Fet [1/1/1913\[#2\]](#), konf Fet [2/10-1927\[#22\]](#). **Kåre Ørnulf E3** f Nergaard(Skjelver) 22/12-1914, dpt Fet [4/4-1915\[#15\]](#), konf [6/10-1929\[#37\]](#).

Nettsida «[kongehuset.no](#)» fortel at *Kaptein Magnus Torfred Kvaal* vart tildelt Kongens Fortjenestmedalje 1/4-1953. Bygdeboka (sitert ovanfor) fortel at han og i mange år var formann i bygdeboknemnda for Fet – og samla sjølv saman mykje av grunnlagsmaterialet for bygdebøkene.

DISgravminner syner at **Torstein Ivar Kvaal** døydde [18/12-2004](#), gravl v. [Søndre Slagen krk. 5/10-2005](#). Med same gravnummer finn vi [Anitra Ingeborg Kvaal](#) (19/4-1904 – 20/4-1999). Mykje talar for at det er henne vi finn i Skovveien 17 i Kristiania ved [FT1910](#) – som dotter til Oscar Molstad f 1876 på Hadeland og Anna Margrethe f 1880 i Kristiania. - Tannlege **Ørnulf Kvaal** døydde [22/11-1992](#) og vart gravlagd ved Rømskog krk. 1993.

Eg skal koma attende til Kvaalfamilien i ein annan stubb.

Sønnekone på Sæteraasen i Hurdal

Guri vart ho heitande, jenta som vart døypt i Skrautvål kyrkje andre juledagen, [26/12-1845](#)^[#61]. Ho var fødd 22/11 s.å. - foreldra hennar var **Lars Halvordson** og **Astri Halvorsdtr** i Hølldalsbrøta. Teljaren i [1865](#) skreiv «*Tobaksbraaten med Grøslien*», «*Gard og Bygd i Nord-Aurdal*» nyttar namnet *Tobaksbrøtin* om denne eigedomen. - **Guri** vart konfirmert [15/7-1860](#)^[#6].

Ho **Guri** har farta ein lang tur innan vi treffer henne att. Då var ho brur – og gifta seg i [Hurdal krk.](#) [28/2-1870](#)^[#3]. Ho gifta seg med **Christopher Olsen Sæteraasen**, son til *Ole Christophersen* og *Marthe K Nilsdtr*. **Christopher** var fødd 15/9-, døypt i Hurdal krk. [17/10-1847](#)^[#58]. Han vart konfir-mert i Hurdal [18/9-1864](#)^[#21].

Framme ved [FT1875](#) finn vi **Christopher**(Kristoffer) og **Guri** på Sæteraasen, løpenr. 30 i Hurdal prgj. **Guri** var då «*Sønnekone og Behjelpelig med Gaardsbruket*». På garden budde òg syster til **Kristoffer**, **Anne Kathrine** f 1838 og tenesteguten **Kristian Fredriksen** frå Feiring.


Kristoffer og **Guri** var ved 1875-teljinga foreldre til: **Olaf A** f 19/4-, dpt Hurdal krk. [22/5-1870](#)^[#24]. **Anne Marie B** f 1/12-, dpt [31/12-1871](#)^[#60], konf Hurdal [2/10-1887](#)^[#16]. **Nicolai C** f 27/8-, dpt [19/10-1873](#)^[#56], konf [4/10-1888](#)^[#18]. **Helga Laura D** f 4/2-, dpt [21/3-1875](#)^[#18], konf [12/10-1890](#)^[#13]. **Kristian E** f 13/12-, dpt [31/12-1876](#)^[#96]. **Aksel F** f 2/10-, dpt [1/12-1878](#)^[#34], konfirmert [1/10-1893](#) ^[#19] . **Severin G** f 9/10-, dpt [4/11-1880](#)^[#37], konf [29/9-1895](#)^[#14]. **Gustav H** f 21/9-, dpt [28/10-1883](#)^[#22]. **Adolf Konrad I** f 21/1-, dpt [4/3-1889](#)^[#7], konfirmert [4/10-1903](#)^[#23].

[FT1891](#) syner at Guri og Kristoffer då var «*hovudpersonar*» på Sæteraasen gnr 14/12&13. Dei har same «rolle» i [FT1900](#). Fire av sønene budde på Sæteraasen ved teljinga; **Nicolai** (Lægpredikant), **Aksel** og **Gustav**, jord- og skogsarbeidarar – og **Adolf Kristoffer**. [Ti år seinare](#) var berre **Gustav** saman med foreldra på Sæteraasen.

Kårmann **Kristoffer Olsen Sæteraasen** døydde av slag [3/8-1921](#)^[#12], gravlagd ved Hurdal krk. 12/8 s.å. Enkje **Guri Sæteraasen** døydde [13/9-1925](#)^[#6], gravlagd 23/9 s.å. Dødsårsak var notert som «*Åreforkalkning og koldbrand*». DISgravminner har [bilete av gravsteinen](#).

Opplysningar hjå Digitalarkivet fortel at **Nicolai** reiste [til Amerika](#) – utflyttingsattest var dagsett 13/3-1893. Han kom attende til gamlelandet, la bort Sætra og nytta seinare namnet **Nicolai Aas**, Han vart trippeltregistrert ved FT1910; på **(A)** MamreLund, gnr 197/31 i Furnes, **(B)** Engevoll i Furnes og på **(C)** **Kuggerud** i Nord-Odal. - Familien til **Nicolai** finn vi på MamreLund: kona **Oline** dreiv moteforretning, ho var fødd på **Dalausteige** 6/3-, dpt i **Veldre krk.** [3/4-1870](#)^[#17], konfirmert Veldre krk. [5/10-1884](#)^[#5]. [FT1910](#) syner borna **Kristian C1** f 1908 og **Gudrun Marie C2** f 1910.

Helga Laura D vart nemnt *Sypige* då døydde [18/2-1898](#), gravlagd 26/2 s.å. - DISgravminner syner vidare at **Gustav H** døydde 16/7-1962. Eg vil tru at **Kirsti**, 1/9-1897 – [19/2-1981](#) er kona hans. Ho var dotter til gardbrukar **Kristian Jensen** og **Gina Olsdtr** - frå Myren i Feiring, døypt i Feiring krk. [17/10-1897](#)^[#11], konfirmert [13/10-1912](#)^[#9]. Familien budde ved [FT1910](#) på Myren gnr. 32/15 i Feiring kommune.



Lærar på Rustad skole i Hurdal i 1910


[FT1910](#) for Hurdal herad syner at **Eivind Røvang** budde på [Rustad skole i Hurdal](#), der rubrikken *stilling og stand* presenterer karen som «*ugift folkeskolelærer og sersjant*». **Eivind** var fødd på [sørre Røvang](#) i Lomen sokn 26/1-, døypt i Lomé stavkyrkje [14/4-1881](#)^[#1] og konfirmert i Slidredomen [23/7-1896](#)^[#2]. Han var son til [Ragnhild Eivindsdtr](#) og [Alv Tomasson](#). Familien er omtala i «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*» på [side 212](#).

Vi finn **Eivind**, saman med foreldra og fire sysken, ved [FT1891](#) for Rødvang gnr 27/1 i Vestre Slidre. Han var «*skoleelev*» med bustadsadresse [Grev Wedels Plads 6](#) i Kristiania ved [FT1900](#). Mykje tyder på at det var her han fekk sersjantutdanninga si. I alt **26** Valdrisar vart nemnde som skuleelevar på denne adressa i 1891-teljinga; 6 frå Vang, 7 frå Vestre Slidre, 5 frå Øystre Slidre, 6 frå Nord-Aurdal, 2 frå Sør-Aurdal og ein Etnedøl.

Mina Bernstdtr Kronborg frå Biri vart kona til **Eivind Røvang** [4/7-1911](#)^[#0]. **Mina** var fødd på Prestegardseige 22/1-, dpt i Biri krk. [21/2-1886](#)^[#24] og konfirmert [29/9-1901](#)^[#37].

Sonen **Alv Bernhard** f 3/3-, dpt Hurdal [4/2-1913](#)^[#7], dotter **Ragnhild Helene** f Rustad 9/11-1914, dpt [3/1-1915](#)^[#1].

Lærar og kyrkjesongar **Eivind Røvang** døydde på [Råholt](#) i Eidsvoll [22/12/1925](#)^[#41] og vart gravlagd ved [Råholt krk.](#) 4/1-1926. Kona **Mina** døydde iflg. DISgravminner [2/9-1983](#), gravl. Råholt 8/9 s.å.



Tiande barnet fekk Deci i namnet

[Hausten 1858](#)^[#4] melder **Ingeborg Helgesdat Hegge**, 24 år gamal, innflytting til Hurdal prgj. Ho kom «*fra sit Fødested Valdres*» og «Opgiven hensigt med Indflytningen» var «*For at giftes med Lars Pedersen Garsjø*». **Ingebjørg** og **Lars** gjekk inn i ekteskap [5/11-1858](#)^[#14] i [Hurdal kirke](#).

Ingebjørg fødd på [Heggji i Lobygden](#) 18/1-, døypt i Svenes krk. [1/2-1835](#)^[#9], konfirmert i Svenes [1/6-1849](#)^[#8]. Ho var det tredje barnet til [Ingri Gudbrandsdtr](#) og [Helge Helgeson](#). «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*» har i band D, side 396, skrive at **Ingebjørg** døydde i 1869, men der har ein vel «retta bakar for smed» – eg vèl å tolka ordspelet som ‘å ta livet av feil person’ !!

Lars Pederson var son til tjenestedreng [Peder Pedersen Rognstad](#) og [Anne Larsdatter](#). Guten var fødd på Rognstad 1/1-, dpt i Hurdal krk. [16/1-1831](#)^[#17], konfirmert i Hurdal krk. [4/10-1846](#)^[#28].

Ingebjørg og **Lars** har fleire gonger vore på flytting rundt om i Hurdal. Eldste barnet, **Peter Andreas A** vart f 23/1 på Søgaarden, dpt [20/2-1859](#)^[#22], konfirmert [12/10-1873](#)^[#5]. **Hilda Jørgine B** f 15/8-, dpt [9/9-1860](#)^[#79], død Taraldsæter [19/5-1861](#)^[#19], gravlagd 26/5 s.å. Ei ny **Hilda Jørgine C** vart fødd på Taraldsæter 27/2-, dpt [30/3-1962](#)^[#19]. **Laurits Severin D** f 15/9-, dpt [9/10-1864](#)^[#78], konfirmert [28/9-1879](#)^[#9]. **Helgine Marie E** f Sollia10/3-, dpt [22/4-1866](#)^[#30], konf [25/9-1881](#)^[#37]. **Emil Julius F** f Rødfossen 27/4-, dpt [13/6-1869](#)^[#25], død [24/5-1873](#)^[#20], gravlagd 3/6 s.å. **Casper Sigvart G** f Rognliengen25/2-, dpt [25/4-1872](#)^[#17], død [30/4-1873](#)^[#14], gravl. 8/5 s.å. **Kasper Julius H** f Rognlieie 1/4-, dpt [24/5-1874](#)^[#32], konfirmert [13/10-1889](#)^[#9]. **Gunda Nikoline J** f [Rognlia](#) 7/1, dpt [2/4-1876](#)^[#22] Sist ut var **Harald Decius X** f Opperudeige 2/6-, dpt [3/8-1879](#)^[#26], konfirmert [7/10-1894](#)^[#12].

Jenta frå Sørskogen tente hjå pensjonert prest på Toten,
Gifta seg med båtsmann på «Jernbanens Fragtebåd på Mjøsen»,
og døydde hjå sonen sin i Feiring.



Foto teke frå vegen opp mot Balke krk. 6/8-2013 (OHF) - vi ser utover Totenvika

Frå Balke kyrkje har ein eit fint utsyn over Mjøsa. - Eg har ikkje tenkt å blande meg bort i kva side av innsjøen som er «[den rette](#)». Det er opp til kvar og ein av dei som les denne stubben. Eg skal no fortelja litt om ei jente som vart fødd på SørreBjergoeige i Nord-Aurdal.


Jenta kom til verda 6/1- fekk namnet **Anne** ved dåp i Aurdal krk. [28/1-1844\[#5\]](#) og konfirmert same stad [1/7-1860\[#13\]](#). Foreldra hennar var Syver Syverson og Gjartrud Olsdtr som hadde gifta seg 15/7-1837. **Anne** fekk etter kvart seks yngre sysken.

Som så mange ungdommar frå Valdres – la **Anne** ut på tur til flatbygdene. Vi finn henne, 22 år gamal ved ved [FT1865](#) - som tenestjente hjå «*Pastor Vedøe*» på Oppegaard søndre lno 9 i Ø Toten prgj. De kan lesa meir om garden hjå '[lokalhistoriewiki](#)' – og sjå omtalen i «[Norske gardsbruk](#)». Eit par år seinare var arbeidsstaden hennar Taraldrudeige

På Toten vart ho **Anne** kjend med **Haagen** (Håkon) **Evenson**, son til Even Haagensen og Marte Haagensdtr. Han var fødd på Årsbybakken 25/2-, dpt i Toten prgj. [9/5-1847\[#80\]](#), konfirmert Ø Toten prgj. [27/9-1863\[#39\]](#). Toten prestegjeld vart iflg.lokalhistoriewiki [delt i to i 1826](#). Han var «tjenestekarl» på Oppegaard øvre, Sarensødegaard ved [FT1865](#). - **Even** og **Anne** gifta seg i Balke krk. [10/7-1868\[#25\]](#). Ho hadde då opphaldstad Taraldrudeige. Det vart notert at ho hadde med «*Attest fra Sognepr til Nordre Aurdal af 15/10-1867*». Denne attesta har nok ikkje vorte innført i ministerialboka for Nord-Aurdal, men dette året er det innskrive 168 utflyttarar, nesten alle (182 av 184) fekk skrive Amerika som reisemål «*til hvilket sted*», så ei jente som reiste til Toten, ho vart berre *sporv i tranedans*.

Det ser ut til at **Anne** og **Haagen** flytta mykje rundt i nærområdet. Dei sju borna eg har funne vart fødde på fem ulike stader, alle vart døypte i Balke krk. - **Mina** **A** f Taraldrudeige 21/5-, dpt [26/7-1868\[#117\]](#), konf. [14/10-1882\[#26\]](#). **Elise** **B** f Vignæss 11/6-, dpt [24/7-1870\[#118\]](#), konf [4/10-1885\[#6\]](#), **Julie** **C** f Fjellhaugeige 12/4-, dpt [1/6-1873\[#111\]](#), konf [30/9-1888\[#6\]](#). **Helga Marie** **D** f Oppegaards-eige 16/10-, dpt [21/11-1875\[#180\]](#), død [31/8-1878\[#2\]](#). **Stina** **E** f Oppegaardseige 10/4-, dpt [9/6-1878\[#20\]](#), konf [9/4-1893\[#4\]](#). **Hilda Augusta** **F** f Fjorckenstadeeige 11/10-, dpt [4/11-1883\[#47\]](#), konfirmert [2/10-1898\[#30\]](#). **Martin** **G** f Fjorckenstadeeige 9/12-1886, dpt [25/1-1887\[#3\]](#), konf [6/10-1901\[#20\]](#).

Ved [FT1875](#) budde familien i Hagen, østre Oppegaarden lno 10 i Østre Toten. **Haagen** var då «*Slebebaatskar*». Det vert opplyst at borna «*Underholdes av Fattigvesenet*». Fjorckenstadbakken var bustad for familien ved [FT1891](#). Då vart det notert at **Haagen** var «*Bådmand på Jernbanens Fragtebåde på Mjøsen*». - **Haagen** døydde på Fjorckenstadbakken [24/8-1899\[#17\]](#), gravlagd ved Balke krk. 2/9 s.å.



[Les gjerne lokalhistoriewiki om «Mjøsa i norsk samferdsel»](#)

[FT1900](#) fortel at enkje **Anne Syversdtr** då budde saman med sonen **Martin**. Her finn vi òg Maria And-readsdyr, ugift og med «*Lidt formue*». - [13/5-1904](#)^[#23] fekk yngste dottera, **Hilda Augusta F** utflyttingsattest med reisemål Amerika. Ho var i [1900](#) kjøkkenjente på [Olsby](#) gnr 12/1 i Ø Toten.

Vi finn at **Martin G** i [1907](#) frå Østre Toten prgj. fekk utferda utflyttingsattest med reisemål Amerika. Eg har ikkje greidd å finne nokon av familien i FT1910. - Men [13/9-1914](#)^[#4] vart arbeidar **Martin Haakensen Bakken** frå Ø Toten gift i [Feiring krk.](#) i Hurdal prgj, (i 2000-åra [Eidsvoll prgi](#)) med **Tora Ovidia Lilleengen** frå Feiring. **Tora** var dotter til gardbrukarfolka [Tomas Pedersen](#) og [Ingeborg Larsdtr.](#) **Tora** var fødd på Lilleengen 30/3-, døypt i Feiring krk. [11/5-1890](#)^[#6] og konfirmert i Feiring [15/10-1905](#)^[#5].

Martin har nok fått med mor si over til Feiring. Enke **Anne Syversdtr Bakken**, *forsørget av sønnen*, døydde på Lilleengen [8/9-1920](#)^[#6], gravlagd ved Feiring krk. 14/9 s.å.

Harald Helgeson gifta seg i Eidsvoll brann i prestegarden i 1877 øydela kyrkjebøkene

Ektefolka [Ingri Gudbrandsdtr](#) og [Helge Helgeson](#) hadde gifta seg [1/4-1832](#)^[#8]. Dei hadde eit kvartal tidlegare, [4/12-1831](#)^[#1] vore innom i [Svenes kyrkje](#) og døypt sonen **Harald**. Guten var komen til verda på [Heggji i Lobygden](#) 21/11 s.å. **Harald Helgeson** vart konfirmert i Svenes krk. [12/7-1846](#)^[#6]. **Harald** hadde, så langt eg skjønar, ni heilsysken og tre halvsysken.

Mathea Alfsdtr var fødd ikr. 1833 i Eidsvoll, men sidan kyrkjebøkene er borte, stør vi oss til opplysningane frå diverse folketeljingar. [Teljinga 1865](#) syner at **Harald Helgeson**, 34 år gamal, fødd i *Valders*, budde i 1865 på [Elstad](#)bakken i Eidsvoll – og var gift med **Mathea Alfsdtr**. Ektefolka hadde ved teljinga tre born; **Martin Edvard Haraldsen A** f 5/6-1859, konfirmert [12/10-1873](#)^[#15]. **Indiana B** fødd [Sandholte](#)eige 20/11-1861, dpt [27/1-1862](#)^[#10], konf [23/4-1876](#)^[#28]. **Andrea C** f [Elstade](#)eige 13/2-, dpt [3/4-1864](#)^[#51], konf [13/10-1878](#)^[#108]. **Olava D** f [Elstade](#)eige 15/5-, dpt [8/7-1866](#)^[#113], konf [16/10-1881](#)^[#117]. **Hilda E** f [Elstade](#)eige 5/2-, dpt [16/5-1869](#)^[#41], konf. [Langset krk.](#) [14/10-1863](#)^[#78]. **Laura F** f [Elstad](#)bakken 3/6-, dpt [10/9-1871](#)^[#116], konf [Langset](#) [17/10-1886](#)^[#128]. **Albertine G** f [Elstad](#)bakken 19/3-, dpt [24/5-1874](#)^[#72], konf [7/10-1888](#)^[#17].

Familien budde ved [FT1875](#) på [Elstad](#)bakken løpenr 21a i Eidsvoll. - Gift føderådsmann **Harald Helgesen** døydde på [Elstad](#) [26/11-1885](#)^[#41], gravlagd/jordfesta ved Eidsvoll krk. 9/12 s.å. Han vert nemnt i band D av «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*» på side 396.

Så let eg «*damene få rangen*». **Andrea C** Haraldsdtr hadde flytta til Kristiania innan [FT1891](#). Då budde ho i Sommersgate 15 og var *Tjenesteytende* hjå agent [Ulrik Rosenberg](#) og familien hans. Ho var *Tjenestepige* hjå Agnes Rosenberg ved [FT1900](#), budde då i Niels Juells Gade 16 i Kristiania. Framme ved [FT1910](#) finn vi at **Andrea** då var Husholderske hjå Agnes Rosenberg. No hadde dei flytta til [Bjørn Farmandsgate](#) 6.

Ho **Olava D** finn vi både ved [FT1885](#) og [FT1891](#) i [Møllergade\(n\) 25](#) i Kristiania. Ho var *Butikjomfru* hjå pølsemakar Karl Edvard Olsen(f.1847) og Andrea Olsen(f.1844), baae fødde i Eidsvoll. Ho har nok lært å «drive handel», i [FT1900](#) dreiv ho «Husholdningshandel». Ho budde då saman med systema **Hilda E** i Vinkelgaden 7. **Olava** hadde ved [FT1910](#) adresse Vinkelgaden 7a. No dreiv **Hilda usholdningshandel** og hadde Henriette Knudsen f 1885 i [Spangereid](#) som *Expeditrie colonial*. Marie Helgesen var *Maanedspige colonialforr*.

Laura F budde ved [FT1891](#) i [Kristian Augusts gate 19](#) i Kristiania. Ho var då tenestejente hjå Hanne Christine Tørresen f 1843 i Kristiansand S. - Veslesystema **Albertine G** budde ved [FT1891](#) saman med mor si og storebroren **Martin A** på [Elstad](#)bakken.

Martin A gifta seg [21/8-1891](#)^[#6] i [Sand krk.](#) i Nord-Odal med **Thea Hansdtr Ekornhol**stjernet. Ho var f 8/11-, dpt i Nord-Odal [21/12-1856](#)^[#141], konfirmert Nord.Odal [29/9-1872](#)^[#110]. Ho var dotter til [Hans Johansen](#) og [Berte Torstensdtr](#). Familien budde ved [FT1865](#) på *Kjærnet* i Nord-Odal. I [FT1891](#) vart skriveforma endra til *Tjernet*. Bustad var [Elstad](#)bakken både ved [FT1900](#) og [FT1910](#).

Thea og **Martin A** vart foreldre til: **Håkon Julius A1** f 11/7-, dpt Eidsvoll krk. [31/7-1892](#)^[#74]. **Hans Anton A2** f 5/9-, dpt 21/10-1894, konf [3/10-1909](#)^[#19]. **Arnt A4** f 8/12-1901, **Borghild A3** f 6/6-1897, død 16/7-1978, gravlagd ved Eidsvoll krk. [25/7-1978](#). Under same gravstein kviler Oskar E Pettersen.

Landhandlarkona døydde på Eidsvoll

Andreas Olson og Kari Persdotter i Smedsrud fekk ei dotter 9/6-1893. Jenta var nummer fem i barneflokket. Ho fekk namnet **Petra** i Bagn krk. 13/8-1893[#13]. Ho var den femte i barneflokket. De kan finne familien ved FT1900 i Smedsrud gnr 22/2 i Sør-Aurdal. Familien vert omtala på side 463 i «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band A. **Petra** vart konfirmert i Bagn krk. 17/5-1908[#11]. I FT1910 finn vi henne som tenestjente på nerre Jukam.

Vi flytter oss no til Leirskogen og «Braker nedre», lno 469 i Sør-Aurdal. Her kom guten **Ole** til verda 9/5-, dpt 10/7-1864[#34]. Han var fyrste barnet til Svein Embrikson og Ingrid Olsdr. **Ole** vart konfirmert i Bagn krk 20/4-1879[#5]. Då vart det skriva at dei budde på Gjestgjevarhaugé, gnr 37/8. Familien var registrert med bustad Braker ved FT1865, Braker nedre ved FT1875.

Ole Sveinson budde ved FT1891 på sørre Vøll i Bagn, gnr 32/7 i Sør-Aurdal. Det vart notert at han var «*Logerende, hørende til Familien*». Han vart skriven «*Landhandler*» då han gifta seg, i Johanneskirken i Kristiania 18/6-1891[#78] med **Siri Mikjelsdr** frå nørre Torsrud, dotter til Mikjel Knutson og Gjartrud Olsdr. **Siri og Ole** fekk ein son i Etnedal 27/3-1893. Guten vart døypt i Bruflat krk. 22/5- s.å[#12] og fekk namnet **Magnus**. Vi finn familien på Dønhaug gnr 37/14 i Bagn ved FT1900. **Magnus** vert nemnd i «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band A, side 619 (Nørre Torsrud).

Landhandler på Eina, **Magnus Brager** og syerske **Petra Smedsrud** på Eina, gifta seg i Gjøvik krk. 15/10-1919[#51]. Så lyt ektefolka ha flytta til Eidsvoll. Ministerialboka der fortel at *kone Petra Brager* f Listerud døydde av tuberkulose 8/11-1922[#0]. Ho vart gravlagd ved Bagn krk. 23/11-1922[#8].

Handelsreisende Magnus Brager gifta seg oppatt i Skedsmo kirke 25/8-1937[#31] med hushalderske **Jenny Karoline Kindal**. Ho var fødd på garden Kindalen i Varteig 15/10-, dpt Varteig krk. 23/11-1902[#10], konf. 9/9-1916[#14]. – Foreldra hennar var Markus- og Inger Augusta Eriksen.

Magnus Brager døydde 10/12-1973, gravlagd ved Skedsmo krk. 14/2 s.å. - **Jenny Karoline** døydde 1/7-1975, gravlagd 4/7 s.å.

«Døde under et besøk i Stange»

Sjølveigarenkje **Jøran Knutsdatter Røysilien** f 1846 i Etnedal døydde 14/10-1914[#12] «*under et besøk i Stange*». Ho vart gravlagd ved Langset krk. i Eidsvoll 17/10-1914 og jordfesta same dato. Mykje talar for at dette var **Jøren Knutsdr** som var fødd på Samelstad i Etnedal 9/1-, døypt i Bruflat krk. 1/2-1846[#39]. Foreldra hennar var Knut Halsteinson (Ranei) og Jøren Nilsdr Breieseige. Dei vert nemnde på plassen Rabben i «*Gard og bygd i Etnedal*» band C side 142.

Eg går ut frå det er **Jøren** (skrive *Jørgine Knutsdatter*) vi finn som *Tjenestepige* hjå *Uhrmager Mathias Pedersen* med familie i *Qvartal No 61 i Gjøvik kjøbstad* ved FT1865. Ti år etter, ved FT1875 var bustaden «*0033 Ved Gaden frå det lille torv til Thronhjemsveien*», kvartal 55, gård nr. 3. Her ser det ut til at **Jøren** budde hjå systera **Ingebjørg** og mannen hennar, tømmermann Anders Olsen.

Mykje tyder på at **Jøren** fekk ei dotter medan ho budde i Vardal prgj. Ministerialbok nr.7 for Hunn sokn fortel at at *Ungkar, Inderst Halvor Olsen Nøkleberg* frå Østre Toten og *Pige Jøran Knutsd Rambekkmoen* var foreldre til jenta **Karen Mathea** f 14/8-, dpt Hunn kirke 3/11-1868[#105]. Ho vart seinare gift med Gudbrand Kristianson Rusten (1859-1922) i Etnedal.

Tre av systrene til **Jøren** var òg komne til Vardal. Marit Knutsdr f 8/2-1828[#60] på Breieseige gifta seg 28/6-1858[#10] med Børre Pedersen Skonhovdeige, Ingebjørg Knutsdr f Breieseige 5/7-1836[#77] gifta seg i Vardal krk. 2/7-1858[#11] med Andreas Olsen Hellum. Kari Knutsdr fødd i Fjellsbygden 13/6-1834[#65] gifta seg i Vardal 7/4-1858[#8] med Olaus Christian Olsen. Han var fødd i Løten på Hedemarken.

Neste gong vi treffer henne **Jøren Knutsdotter**, då er ho komen ho komen til Eidsvoll. Ho vert gift i Langset kyrkje ved Minnesund, skotårsdagen, 29/2-1884[#2] med sjølveigar **Jens Larsen Røisilien**. Vi finn ektefolka busett på Røisilien gnr 185/3 i Eidsvoll kommune både ved FT1891 og FT1900. Der kjem det fram at **Jens** var «*Jordbruger og Pensjonist ved Jernbanen*». *Gift Baadsmand Jens Røysilien* dødde 19/12-1903[#1] og vart gravlagd ved Langset krk. 6/1-1904. Dødsårsak var «*Lungebetændelse*».

Ho **Ragnhild** kom til Eidsvoll – og vart oppattkalla i fleire greiner

Når eg nemner oppattkalling – då kan der vera greitt å nemne at **Ragnhild** var oppattkalla etter farmor si, og farmora var oppattkalla etter mor til farmor si. – (Eg kunne gjerne ha prøvd å skrive om føregåande setning til rim, men sidan Andre Bjerke har gjort dette på ein svært god måte, let eg lesarane her få [lenkja til rimsmøden](#).)

Kven var så ho **Ragnhild**, hovudpersonen i denne stubben? Ho kom til verda i Skrautvål 5/11- og vart døypt 2.juledag, [26/12-1871](#)^[#167] i [Skrautvål kyrkje](#) (Dei fire dåpsborna høyrde alle til i soknet). Det vart notert at foreldra hennar var [inderstfolka Ole Pedersen Kampen](#), 29 år og [Marit Christiansd](#), 30 år gamal. Familien vert omtala på side 560 i «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*», band A. - Dei budde ved [FT1875](#) på plassen Rødningen, under løpenr. 40a, [midtre Døvre](#), i Nord-Aurdal.

Då eg slo opp 'forfedrerekkja' hennar i databasen min, vart eg merksam på at ho vart firmenning med mormor til stubbskrivaren - så «[hallingdalsgenene](#)» var såleis komne til Romerike.



Døvrisingardane finn de kring markeringa på biletet (frå «[Norgeskart.no](#)»)

Ragnhild vart konfirmert i Skrautvål krk. [6/6-1886](#)^[#11]. Kvar ho var ved FT1891 har eg enno ikkje funne. Men er eg er heilt trygg på at der er ho **Ragnhild** vi finn som brur i [Eidsvoll kirke 1/2-1895](#)^[#6]. Ho gifta seg då med gardmannson **Engebret Jensson** frå Kommisrud i Eidsvoll sokn. – Foreldra hans var Jens Engebretson(1832-[1908](#)) og Nikoline Larsdtr(1833-[1907](#)). Eg fann [ein GEN-Iprofil for Engebret](#), oppdatert i 2016. men denne konsentrerer seg om syskena hans.



Kommisrud – gnr 56/1 i Eidsvoll

Engebret og **Ragnhild** vart foreldre til **Marie Nikoline A** f 14/8-, dpt Eidsvoll [13/9-1886](#)^[#86], konf [1/10-1911](#)^[#15]. Så kom odelsguten **Einar B** f 23/7-, dpt Eidsvoll krk. [4/9-1898](#)^[#89], konfirmert [5/10-1913](#)^[#27]. **Gunda C** vart f 13/12-1900, dpt [27/1-1901](#)^[#3], konf [3/9-1915](#)^[#18]. **Alma D** f 4/4-, dpt Eidsvoll krk. [31/5-1903](#)^[#50], konfirmert [6/10-1918](#)^[#52]. **Ole E** f 16/7-, dpt [28/8-1905](#)^[#63], konfirmert [12/10-1919](#)^[#12]. **Sigrid F** f 10/3-, dpt Eidsvoll [21/3-1909](#)^[#44], konf [7/10-1923](#)^[#7].

Engebret (skreven Ingebret) **Jensson** budde ved [FT1891](#) saman med foreldra, fem sysken ei far-syster og ein gut(*hørende til familien*) på Kommesrud gnr 56/4. - Framme ved [FT1900](#) hadde storebroren, odelsguten [Andreas Jensson](#) teke over Kommisrud (gnr 56/1,4,7&8). **Engebret** «*arbeider ved gaardsbruget*». – her lyt vi ta eit lite sidesprang til gardsnamnet, det vart skrive ulikt i 1891 og 1900. Det syner seg at ein fire-årig namnestrid om skrivemåten til gardsnamnet. ([Eidsvoll Ullensaker blad](#) 11/3-2016) enda med Kommisrud.

Der ser ut til at garden vert oppdelt, **Ragnhild** og **Engebret** var ved [FT1910](#) busette på gardsnummer 56/1. De finn grunnboksblad for eigedomen hjå Digitalarkivet. **Ragnhild** døydde [17/4-1934](#), gravlagd v Eidsvoll krk. 24/4 s.å. **Engebret** døydde [17/11-1935](#), gravl. 23/11 s.å.

Marie Nikoline A gifta seg i Eidsvoll krk. [10/3-1926](#)^[#14] med [Johan Blakkisrud](#). Han var son til Håkon Edvard Johannesson og Ingeborg Andreasdtr, f [Nordstun Blakkisrud](#) 9/2-, dpt [3/4-1893](#)^[#28] og konfirmert [6/10-1907](#)^[#14]. - Dei var foreldre til: **Ragna A1** f 12/7-, dpt Eidsvoll [25/8-1929](#)^[#42]. **Ingrid A2** og **John A3** f 1938. «*Norske Gardsbruk*» fortel at **John A3** vart gift i 1963 med Aase Kristensen frå Asker og at ekteparet har sonen **Håkon A31** f 1965.

Einar B gifta seg i [Vestre Aker krk. 19/11-1932](#)^[#0] med [Astrid Johanne Aardal](#) frå Nøtterøy. Ho var Nordfjording, fødd på [Aardal i Gloppen](#) 22/2-, dpt [Breim krk. 29/5-1904](#)^[#14]. Foreldra hennar var gardbrukarparet [John Monsson](#)– og [Johanne Hansdtr Aardal](#). Frå DISgravminner finn vi at **Einar B**

døydde [22/11-1984](#), gravlagd ved Eidsvoll krk. 29/11 s.å. **Astrid** døydde [8/10-1999](#), gravl 14/10 s.å. Dei hadde iflg. «*Norske Gardsbruk, Akershus*» [side 84](#), sonen **Engebret Kommissrud B1** som var fødd i 1939. Han gifta seg i 1962 med **Laila Krogstad**. Paret hadde borna **Ragnhild B11** f 1962, **Ingebjørg B12** f 1964 og **Eirik B13** f 1966.

Det er vel **Gunda C** vi finn hjå DISgravminner. Død [7/11-1968](#) og gravlagd ved Eidsvoll krk. 14/11 s.å. Eg går ut frå at ho var gift med trelastekspeditør **Arne O Forberg**, som vi finn ved [FT1910](#) busett på Forberg gnr 111/11 i Eidsvoll kommune. Sonen **Torgeir C1** vart fødd på Stavseth 21/4-, dpt i Eidsvoll krk. [17/6-1928](#)^[#32], død [15/12-1989](#).

Lars Andersson var son til gardbrukarparet på [Østby i Eidsvoll](#), **Anders Pederson** og **Inger Larsdtr**. Lars var fødd 1/3-, dpt Eidsvoll krk. [11/5-1902](#)^[#44], konfirmert i Eidsvoll krk. [1/10-1916](#)^[#9]. Det er vel **Lars** som vart gift med **Alma D** Kommissrud. DISgravminner syner at **Alma** døydde [9/2-1983](#), **Lars** døydde [16/10-1989](#). Mest truleg var **Liv** (7/6-1935 – [6/7-2006](#)) dotter deira. «*Norske Gardsbruk*» har omtale av Østby gnr 160/1 på [side 113](#).

Ole E Kommissrud tok leia nordover - på austsida av Mjøsa. Han stod brudgom i [Ottestad krk. 16/8-1930](#)^[#8]. Brur var meierske **Else Kristiansen**, dotter til *snedker Martin Kristiansen* og *Marie f Jonsen*, f 25/2-, dpt [Stange krk. 15/5-1898](#)^[#13], konfirmert Ottestad krk. [30/3-1913](#)^[#15]. DISgravminner syner at **Ole E** døydde [1/11-1989](#), **Else** døydde [10/10-1997](#). Dei kviler ved Ottestad krk. Familien budde på Østre Åsterud, gnr 49/6 i Stange. De kan lesa om garden hjå «*Norske Gardsbruk*», Hedmark - [på side 1082](#). «*Stangeboka*» kan de òg finne på nettet, her finn de ei breiare omtale av Åsterud østre. **Else** og **Ole** hadde dottera **Ragnhild E1** f 1935. - Det er i *Stangeboka* skrive at **Ragnhild Olsdtr**, mor til Ole Kommissrud, var frå Etnedal, noko som ikkje er heilt korrekt, **Ragnhild Olsdtr** var fødd på [Saltmyrbakka](#) som ligg i Nord-Aurdal, vest for kommunegrensa som kom då [Etnedal kommune](#) vart skilt ut frå Sør- og Nord-Aurdal i 1894. Saltmyrbakkin er nemnt i «*Gard og Bygd i Nord-Aurdal*» band B, side 527.

Sigrid F Kommissrud vart gift med **Einar Aasgaard**. Han var son til inderstparet **Amund Ingebretson** Askim(Aasgaard) f 1/6-1878 og **Olava Nilsdtr** f 24/5-1875. Dei budde ved [FT1910](#) på [Aas-gaard gnr 45/1&2](#). DISgravminner fortel at **Einar** døydde [12/9-1984](#), **Sigrid F** døydde [2/4-1990](#). Dei kviler på Eidsvoll kirkegård.

Gaardbruger(selveier) og Skrabhandler

Sigri Olsdtr og **Bendik Tølleivson** vart foreldre til ein gut 3/2-1869, guten var nok ansam, for foreldra kom seg ikkje framfor presten for å få klarert ekteskap før [22/4-1869](#)^[#10]. Då hadde dei, nokre dagar før, vore attende med guten – som [17/4-1869](#)^[#38], i Rogne kyrkje, fekk namnet **Tollef** - eller **Tølleiv** som sambygdingane truleg kalla han. Det vart notert at **Sigri** og **Bendik** gjekk inn i ektestand [22/4-1869](#)^[#10]. Dei budde på Braaten gnr 45/32 i Øystre Slidre ved [FT1891](#). Plassen er omtala i «*Gar-dar og slekter i Øystre Slidre*» [band B, side 281](#).

Tølleiv fekk skrive [Lillegoplen](#) som bustad då han vart konfirmert [14/10-1883](#)^[#20] i Torpa sokn, Nordre Land prgj. Sambygdingen **Andris Andrisson**^[#19] vart konfirmert samstundes. Ein kunne mest tru desse gutane var sende ut på «arbeidsmarknaden» før dei vart konfirmerte ! Kanskje der var skikkeleg «[smalhans](#)» i desse heimane ...

Så hadde **Tølleiv** flytta eit langt stykke innan vi treffer han att. Då gifta han seg med **Ågot Isaksdtr/Kjeldsen** i Eidsvoll krk. [17/4-1896](#)^[#13]. Ho var fødd 17/1-1861 og konfirmert [23/4-1876](#)^[#24]. Paret fekk borna **Kjeld Bendik A** f [Julsrud](#)dalen 8/10-, dpt Eidsvoll krk. [22/11-1897](#)^[#120], død Dokken, Eidsvoll [13/3-1917](#)^[#7], gravlagd ved Eidsvoll krk. 20/3 s.å, - Dødsårsak: Tuberkulose. **Sigrid Kristine B** kom til verda i [Dokken](#) 12/7-. dpt Eidsvoll krk. [20/8-1899](#)^[#72], konfirmert av [sokneprest Harboe](#) i Eidsvoll [5/10-1913](#)^[#45]. Familien budde ved [FT1900](#) på Bagerløggen. **Tølleiv** hadde då arbeid ved ein teglfabrikk. Sonen **Erling Ingolf C** vart fødd i Dokken 21/1-, dpt [4/4-1901](#)^[#25], konf [3/10-1915](#)^[#58] .

Tølleiv vart ved [FT1910](#) notert som mellombels tilstades på [Ulvin øvre](#), Smedsrud n, gnr 196/2 i Eidsvoll kommune. Kanskje var han ute på skraphandel ? – Det vart notert at han hadde bustad Dokken i Eidsvoll. Han vart elles presentert som «*Gaardbruger(selveier) og Skraphandler*». Han tok mot «*ben, skind og gamle galoger*» noterte teljaren ved [1910-vitjinga](#) på Bagerløggen gnr 51/5.



Kyrkjesongaren frå Røvang



Messesundagen [14. april 1881](#)^[#1] hadde [Ragnhild Eivindsdtr](#) og [Alf Thomasson](#) frå [Røvang](#) med seg ein liten gut til [stavkyrkja i Lomisgardo](#). Guten vart der kristna med namnet **Eivind**, oppatkalla etter morfar sin, [Eivind Sevaldson](#) frå midtre Semeleng. Faddrane kom frå [søre Øydgarden](#), Høve, [nerre Røvang](#) og [Fet](#). Dåpsbarnet var fødd 26/1-1881.

Ved [FT1891](#) finn vi **Eivind Alfson** på Røvang - saman med foreldra, syskena Thomas(1875), Kari(1878), Barbo(1886) og Marit(1889). **Eivind** vart konfirmert [23/7-1896](#)^[#2], truleg i stavkyrkja. Det var ti gutar og seks jenter som vart konfirmert denne dagen, 15 av dei frå Lomé sokn.

[Teljinga i 1900](#) syner at **Eivind** har kome til hovudstaden. Han er notert med bustadadresse [Grey Wedels plass](#) 6, Kristiania. Det er opplyst at han er «skoleelev» og eg vil tru at han får underoffisersopplæring. [Sjå kapitlet om «skrivarskoler» her](#).

Ti år seinare, ved [FT1910](#), finn vi **Eivind Røvang** som «folkeskolelærer og sersjant» busett på [Rustad skole](#) gnr 25/1 i Hurdal. Han hadde Gina Lauritsen f 1869 i Hurdal som [husholderske](#).

Han **Eivind** hadde så vidt tid til å [telje pepparkorna](#) etter 30-års dagen sin – innan han kledde seg i brudgomstas. Han gifta seg i Hurdal [4/7-1911](#)^[#0] med **Mina Bernstdtr** Kronborg. Ho var fødd på Ringen(Prestegardseige) i Biri 22/1-, dpt i Biri prgj. [21/2-1886](#)^[#24], konf [Biri krk.](#) [29/9-1901](#)^[#37]. Foreldra hennar var Helene Johannesdtr og Bernt Olson.

Mina og **Eivind** budde på Rustad skole i Hurdal då sonen **Alv Bernhard A** vart fødd, 3/3-, dpt Hurdal krk. [4/5-1913](#)^[#7], konfirmert Eidsvoll krk. [23/10-1927](#)^[#45]. Så kom dottera **Ragnhild Helene B** f 9/11-, dpt Hurdal [3/1-1915](#)^[#1], konfirmert Eidsvoll krk. [6/10-1929](#)^[#3].

Med hjelp av databasen «[Nannestad Family Forest](#)» får vi vite at *Forretningsbestyrer* **Alv Bernhard A** vart gift i Eidsvoll krk. 1/9-1945 med *stenograf* **Ragnfrid Johanne Skjetne** f 12/3- på [Røstad](#) i Levanger prgj, dpt [21/4-1916](#)^[#3] i [Kvam krk.](#), Stod prgj. i Nord Trøndelag. Foreldra hennar var gardskar, seinare *sporvegskonduktør i Trondheim*, Johan Levy Skjetne (1892-1979) og Ragna f Haug (1881-1940) - DISgravminner fortel at **Alv Bernhard A** døydde 20/2-1997, **Ragnfrid Johanne** døydde 18/9-2007, gravlagd 30/6-2008. Ektefolka kviler ved Eidsvoll krk.

Sjukesyster **Ragnhild Helene Røvang B** gifta seg i Eidsvoll krk. [5/9-1944](#)^[#30] med lekjar ved [Vensmoen sanatorium](#) i Saltdal **Olav Kristian Skogsrud**. Han var, iflg notat ved giftarmål, fødd i Oslo 11/4-1908. Eg vel å tru det er han vi finn i [FT1910](#) i Gjørstadsgate 1 i Kristiania, son til «[Forgyller](#) & [Glasmester](#)» Ole Skofsrud f 29/4-, dpt [2/6-1861](#)^[#75] i Trøgstad prgj. og kona Otilia f 1874 i Sverige.

Gift kirkesanger **Eivind Alfsen Røvang** døydde i Råholt sokn i Eidsvoll prgj. [22/12-1925](#)^[#41]. Han vart gravlagd og jordfesta ved [Råholt krk.](#) 4/1-1926. Det vart notert at dødsårsaka var «[Tuberkuløs bukhinnebetendelse](#)». DISgravminner fortel oss at **Mina Røvang** døydde [2/9-1983](#) og vart gravlagd ved Eidsvoll krk. 8/9 s.å.



Frå Skrautvål – via Østre Toten – til Sandholt i Eidsvoll

Mange steg å gå – om ein brukte ‘apostelhestane’

Den som noterte dåpsborna i 1839 i Ministerialbok nr. 3 for Nord-Aurdal prgj. må ha kome «*or tellingen*» då han noterte dei to «*Uægte*» jentene – bae med namnet Kari; den eine med nr 25, den hi på neste line med nr. 27.

Vi slær fylje med ‘den fyrste’ **Kari**-jenta. Ho kom til verda 11/3-, på Bergjeige i Skrautvål sokn (Steinset i Steinsetbygden) – og vart døypt i [Skrautvål kyrkje 7/4-1839\[#25\]](#). Mor hennar var [Ingebjørg Nilsdtr Brenn\(Brænden\)](#), faren var, iflg. kyrkjeboka [Tølleiv Knutson Neseige](#). [Tølleiv](#) og [Ingebjørg](#) gjekk inn i ekteskap [1/1-1841\[#2\]](#). Kari fekk tre sysken; Knut, Anne og Nils. Familien vert omtala i «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*» på side 397-398 (Lobrøtin) – [Ingebjørg](#) og foreldra, Nils Mikkelson og Tora Johannesdtr. vert nemnte på [side 277](#) i «*Gard og bygd i Etnedal*».


Eg greier ikkje å finne **Kari** som konfirmant i Nord-Aurdal, men ved [FT1865](#) var ho tenestjente på [Nittum, store, søndre](#) løpenr 109 i Østre Toten. På Toten vart **Kari** kjend med inderst **Hans Larsson**, son til *gift mand* [Lars Hansson Garsjøsagen af Hundalen](#), og enkja [Berte Kristiansdtr](#) [store Setne](#) på Østre Toten. **Hans** (og tvillingbroren Casper) var fødde på Store Setne 21/5, dpt i Vestre Toten prgj. [31/10-1847\[#171\(172\)\]](#). **Hans** vart konfirmert i Balke krk. [12/10-1862\[#23\]](#).

Kari Tølleivsdtr og **Hans Larsson Steinsjøen** lova nok å elske og ære kvarandre ved bryllaupet i [Balke krk.](#) [31/3-1869\[#15\]](#). Forlovarar var Jens– og Ole J Steinsjøen. - Dottera **Julie A** vart fødd på Stenseje 18/4-, dpt Balke krk. [17/5-1869\[#192\]](#).

Kari og **Hans** lyt ha reist frå Toten kring 1870. Dei var komne til Smedstuen løpenr. 31b i Eidsvoll prgj. ved [FT1875](#). Hans Larsson var Baatmand. Dei budde truleg på Bjørnstadeige i Feiring då dottera **Kristiane B** var fødd, 8/7-, dpt i Feiring krk. [25/8-1872\[#25\]](#), konfirmert i Eidsvoll krk. [2/10-1887\[#107\]](#).

[FT1891](#) fortel at **Kari** og **Hans** budde på [Røgholteje](#), under gnr 22/1 i Eidsvoll. Sidan vi møtte dei i 1875 hadde dei fått to nye born. **Tinka Beata C** f Smedstuen 1/4-, dpt Eidsvoll krk. [7/5-1876\[#52\]](#), Det ser ut til at kyrkjebokskrivaren hadde vanskar med å [bokstavere](#) namnet hennar. Ho vart konfirmert i Eidsvoll krk. [12/10-1890\[#21\]](#).

Det neste barnet har òg fått eit uvanleg namn, **Haggai D**. Foreldra har nok granska Bibelen og [funne namnet der](#). Guten var fødd 22/12-1878 og døypt [14/4-1879\[#35\]](#), konfirmert [8/10-1893\[#52\]](#).



Inne i det nye hundreåret, finn vi familien busette på **Sandholt østre gnr 21/5** i Eidsvoll.

[Sandholt østre, gnr 21/5](#) var bustadsadresse for familien ved [FT1910](#). **Hans Larsen** var då «*Stationsbetjent*» ved jernbanen. **Kari** vart skriven husmor. Dottera **Tinka C** (då skriven Katinka) hade gifta seg med [Ole Kristiansen](#). Dei hadde sonen **Oskar Konrad C1** f 19/4-, dpt [13/7-1909\[#57\]](#) og dottera **Karen Helene C2** f 28/4-, dpt [17/7-1910\[#40\]](#).

Sonen **Haggai D** hadde i 1910 teke over Sandholt. Han gifta seg [1/2-1908\[#8\]](#) med [Anna Mar-tine Røken](#) i Trefoldighet krk. i Kristiania. Ho var frå [Lynes](#) i Eidsvoll, f 17/9-, dpt [9/10-1881\[#75\]](#). Det vart notert i kyrkjebøkene at ho var konfirmert i Eidsvoll 4/10-1896, men der kan eg ikkje finne henne! Ho var dotter til Iver Hansen og Karen Mathea Andreasdtr. Ved FT1910 hadde dei sønene **Ivar Hatrvig D1** f 29/1-, dpt [14/4-1909\[#14\]](#), **Helge D2** f 13/8-, dpt [18/9-1910\[#72\]](#). Sidan kom **Kristian Olai D3** f 14/12-1911, dpt [4/4-1912\[#23\]](#), **Olga D4** f 15/6-, dpt [27/7-1913\[#63\]](#), **Torsten D5** f 15/11-1914, dpt [1/1-1915\[#3\]](#), **Olav D6** f 11/10-1918, dpt [1/1/1919\[#6\]](#), **Astrid D7** f 4/4-, dpt [27/6-1920\[#52\]](#) og **Hans D8** f 4/10-, dpt [8/1-1922\[#3\]](#).

Lat meg til sist nemne at [skeisseløperen Torstein Sandholt](#) hørde til på [grannegarden, gnr 21/1](#).

Den lengste gutten det er nå Glommen

Elverim

Den lengste gutten det er nå
Glommen,
og god og diger, i sær i flommen,
men ellers danser han like glad
fra Aursund sjø og til Fredrikstad.

Han går i skogen, han går i skyggen
og mangelen tyllt tar han med på
ryggen,
han bærer hus og han bærer kjøll
og Glommen det er en østerdøl.

*Nå vil jeg spørre om det er nogen
som kanskje ikke har hørt om Lågen.
Å nei det kan jeg da aldri tro
for kjære dere det er jo to.*

*Den ene brer seg i Mjøsens vanne
hvor kornet gulner på rike strande.
Den andre er ikke mindre sterk
den løper like ved Kongsberg verk.*

*Men Begna ned gjennom Valdres haster
og Hallingselva i bukt seg kaster,
og telejenta kan speile seg
for hun har sjøer på hver sin lei.*

*Og vest om fjellet er elva liten
og hissig løper den hele tiden
for bratt er veien og ikke lang
fra fjellets rygg og til fjordens fang.*

*Hvis ikke barna er altfor trøtte,
så får vi nord over Dovre gløtte,
der står en kirke av gammelt ry
den står ved Nidelv i Trondhjems by.*

*Og siden seiler vi nord om Salten
og ser på elven som heter Alten,
hvor Tana grenser på langs og tvers
ja det er grensen for disse vers.*

Nordahl Rolfsen

I stubbane som kjem skal vi sjå etter Valdrisar som hadde tilhald i Østerdalen, Solør, Vinger og Odalen i Hedmark – samt i Nes og Sørumsnes i Akershus. Dei som budde «langs» Glåma i Røros og Østfold er tekne med i kapitla om Østfold og Sør-Trøndelag.

Valdrisar funne i Trysil og Engerdal vert òg nemnde i denne «Glåmabolken» sjølv om dei høyrer til langs [Trysilelva/Klaraälven](#).



[Barfrostove](#) frå Østerdalen

Lærer i Dalsbygda - Os i Nord-Østerdal

«Gigtfeber og hjertefeil» vart skrivne i dødsårsakfeltet i klokkarboka for Os sokn i Tolga prgj. I dødsinnførsla til «Gift folkeskolelærer Knut Johnsen Dahle». Han døydde 13.- gravlagd 23. juni 1917- og jordfesta 13.juli s.å.[#9]. Bustad ved dødsfall var «Lærerboligen, Dalsbygda».

Knut var fødd på nerre Høve i Lome sokn, Vestre Slidre på nasjonaldagen, 17.mai, i 1892. Han vart døypt i Slidredomen 31/7 s.å.[#9]. (innførsle i ministerialboka for Lome [#0]) – **Knut** var son til Jon Knutson Dahle (1861-1923) og Ragnhild Knutsdtr Høve (1866-1930). Her kan nemnast at **Knut** vert femmenning med stubbskrivaren.

FT1900 syner **Knut** (*elev i folkeskolen*) saman med foreldra, syskena Ole, Ragna og Ragnhild samt mormora Ragnhild Olsdtr(Rogne), Ingebjørg Olsdtr (dotter hennar Ragnhild Olsdtr) - og tenestjenta Barbo P Hovrud.

Knut vart konfirmert i Lomé stavkrk. 2/7-1907[#7]. Ved FT1910 vart han registrert på Høve gnr 30/1 i Skjel og Høyne teljekrins i Vesttr Slidre kommune. Han var då elev ved «fortsettelsesskolen» i Røn. De finn meir om garden på sidene 239/240 i «Gardar og slekter i Vestre Slidre».

15/3-1913[#8] vart **Knut** gift med Anne Gudbrandsdtr Skjel. Dei vart vigde i Gjøvik kyrkje. Det vart notert at **Knut** var seminarist i Elverum medan Anne var heimeverande dotter. Ho var f 9/1-, dpt i Lomé stavkrk. 14/3-1886[#1] og konfirmert i Vestre Slidre 19/5-1901[#13]. Foreldra hennar var Gudbrand Jonson og Barbro Torsteinsdtr Skjel. Familien finn vi både ved FT1900 og FT1910 i nørre Skjel gnr 20/1 i Vestre Slidre. Dei er nemnde på side 163 i «Gardar og slekter i Vestre Slidre».

Anne og **Knut** vart foreldre til dottera Ragnhild Kristine ^A, f 29/5-, dpt 7/9-1913[#2] og sonen John ^B f på Høve 25/6-, dpt i Lomen kyrkje 19/9-1915[#3]. Sjå «Gardar og slekter i Øystre Slidre» band B side 427.

Ragnhild ^A vart gift med Olav O Robøle Han var son til Ola K Robøle og Kirsti Hermansdtr, f 7/8-, dpt 11/10-1908[#15], konf 17/6-1923[#5].

DISgravminner syner at Anne Dahle døydde 28/5-1972 og John ^B Dahle døydde 3/8-1899. Dei kviler baa ved Hegge kyrkje. Her kviler og Olav O Robøle som døydde 25/7-1986 medan Ragnhild ^A iflg «Dødsfall i Norge» døydde 31/3-1996.



«Parti fra Dalsbygden» Normann kunstforlag – lånt hjå DigitaltMuseum, Nord Østerdal



Sør-Aurdølene i Alvdal (Lilleelvedalen)


Lars Estensen Strømsbakken og Erik Simensen Strømmen hadde viktig oppdrag i *Sognets kirke* [17. februar 1859](#)[#1]. Dei var denne dagen forlovarar for brureparet; pige **Ragnhild Rasmusdtr** Berget og enkjemannen **Ole Sivertsen** Dyven. Brura var, etter det klokkearboka for Alvdal fortel, 45 år gamal – og brudgommen var 43 år gamal. Både brur og brudgom var *vaccineret*. Men her var det ingen rubrikk for å notere «*Faders namn*» for brur og brudgom, men til alt hell er dette skrive i merknadsrubrikken.

Far til brudgommen var *Sivert Aslaksen* Dyven og svigerfaren heitte Rasmus Pederson Berget. Ut frå dette, samt opplysningane ved [FT1865](#), går eg ut frå at **Ole** var uekte son til *bataillonskarl Syver Aslachsen* Kløverud og *pige Ingeborg Michelsdtr* Thorsrud. **Ole Syverson** var fødd 6/5- og døypt i Bagn kyrkje [14/5-1813](#)[Vside]. Faddrane kom frå Høve og Torsrud. - Etter nok eit par år som ugifte, tok *Syver Aslakson* og *Ingebjørg Mikkelsdtr* steget inn i ekteskap. Giftarmålet fann stad i Bagn krk. [28/3-1815](#)[Hside,5.ovanfrå] og forlovarane (*Cautionistane*) var *Syver Bjørnsen Hoff* og *Alv Olsen Listerud*. **Ole Syverson** er nemnt i «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*», [band A side 389](#).

Ragnil Rasmusdtr kom til verda på [Brandvol Olsok](#) dagen, [29/7-1816](#)[#36] og vart døypt 18/8 s.å. Foreldra hennar var gardfolka *Rasmus Pederson* og *Goro Pedersdtr* Brandvol. Faddrane kom frå Sand, Stejen, Godberg og Nesteby. Ein av faddrane ber førenamnet *Avle*. **Ragnil** vart konfirmert i Alvdal krk. [10/10-1830](#)[#27].

Ragnil og **Ola** budde ved [FT1865](#) på Berget søndre løpenr 350c. [FT1875](#) fortel at dei då budde på Brandvold nordre løpenr 351a og ved [FT1891](#) var bustaden Brandvold nordre under gnr 4/4 i Alvdal kommune.

Fattiglem Ola Syverson døydde på [Tronseggen](#) i Alvdal [12/1-1898](#)[#1], gravl. v Alvdal krk 18/1 s.å. *Underlivstilfælde* vart skrive som dødsårsak. *Enke Ragnhild Rasmusdtr* tok sitt siste andedrag eit knapt år etter, [2/1-1899](#)[#2]. Ho budde då på Tronseggen og dødsårsak var *Lungebetændelse*. Gravferda fann stad ved Alvdal krk. 7/1 s.å.



Tronsfjellet 3.juni 2010 - foto OHF

Gard og bygd i Sør-Aurdal band A fortel på [side 323](#) at **Arne Larson Løkken** vart gift med **Nora Fløtten** frå Alvdal. – *Alvdal: ei bygdebok. 2:Garden og ætta* [side 359](#) syner at **Arne** vart brukar på [Hårdnes](#) Ne'ate gnr 12/[28,37](#) i Alvdal. Han tok over etter svigerfaren.

Arne var fødd på Lykkja 8/1-, dpt i Reinli stavkrk. [28/3-1897](#)[#1] og konfirmert [14/5-1911](#)[#2]. Han vart både ved [FT1900](#) og [FT1910](#) registrert saman med foreldre og sysken på Løkken(Braaten) gnr [13/29,37](#) i Kirkebøen krins, Sør-Aurdal kommune. Han var son til Lars Halvorson og Dorthea Arnesdtr.

Haagen Haagenon[#42](Fløtten) og Kathrina Olsdtr[#10](Haarnasset) gifta seg i Løten krk. [15/12-1899](#)[#20]. Dei fekk ei dotter, fødd på øvre Høingstad i Løten prgj. 8/3-(*kvinnedagen*) og dpt i Løten krk. [22/4-1900](#)[#19] med namnet **Magnora**. Ved [FT1900](#) vart ho nemnt saman med foreldra på Haardnasset gnr 12/37 i Alvdal. [FT1910](#) syner henne på same bustad. Ho vart konfirmert i Alvdal krk. [3/10-1915](#)[#31].

DISgravminner fortel at **Magnora** døydde [6/12-1979](#). **Arne Løkken** døydde [8/12-1982](#). Dei kviler på Alvdal kyrkjegard.

Frå Sør-Aurdal via Gol og Ringerike til Folldal

Erik Tørhaug gifta seg i [Aurdal krk. 17/10-1893\[#5\]](#) med **Wilhelmine Albertine Josephine Oliversdtr.** Forlovarar var Halvor Halvorson og Hans Olson, båe frå Røvlingeige. Brudgommen sjølv var vegarbeidar og budde i [Sofibrøta](#) i Liabygden. Han var fødd på Sørskogé 28/4-, dpt i Aurdal krk. [22/9-1872\[#124\]](#) og konfirmert same stad [17/4-1887\[#18\]](#). Ved [FT1875](#) finn vi han saman med foreldra, [Anton Olson\(1825-1891\)](#) og [Anne Eriksdtr\(1825-1910\)](#), samt syskena Inger, Ola, Siri og Gunhild på Motet, løpenr 291b i Nord-Aurdal prgj. **Erik** budde òg ved [FT1891](#) på Motet, gnr 103/4 i Nord-Aurdal.

Wilhelmine var fødd på nedre [Syvde](#) 9/2- og døypt i [Rovde kyrkje](#), Sande prgj. på Sunnmøre [30/3-1879\[#4\]](#). Foreldra hennar var [kobberslager](#) Oliver Nilson og [Katrine Andersdtr.](#) Det syner seg at [Katrine](#) var fødd på [Øydgard](#)seige på Sørskogé 4/4-, døypt i Aurdal krk. [8/6-1851\[#40\]](#). og konfirmert i Aurdal [1/7-1874\[#18\]](#). Ministerialboka fortel at ho var «uægte» og at foreldra hennar var ungar [Anders Knutson Landmark](#) og [qvind](#) [Juliane Julsdtr Ødegardeje](#).

Då **Wilhelmine** og **Erik** vart foreldre fyrste gong vart fødestaden til barnet notert til å vera [Hel-landshølen](#) i Sør-Aurdal. Jenta var fødd 27/2-, dpt i [Bagn kyrkje 25/3-1894\[#11\]](#) der ho fekk namnet til farmor si, **Anne** [A](#). Dottera **Kristine** [B](#) kom til verda på [Personsetern](#) 24/11-1895, dpt Bagn krk. [19/4-1896\[#11\]](#). Sonen **Anton** [C](#) vart f 13/2- på [Køll](#), dpt i Bagn krk. [3/4-1898\[#8\]](#). Køll vart òg fødestaden til **Sigrid** [D](#) f 28/8-, dpt Bagn krk. [7/10-1900\[#18\]](#). Familien vart ved [FT1900](#) registrert busett på *Kold* gnr 48/30 i Sør-Aurdal kommune. Her budde òg mor og syster til **Erik**, Anne Eriksdtr og Sigri Antonsdtr. «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band B fortel på [side 397](#) at **Erik** kjøpte Køll i 1897. Skjøta for «*Kold af Kamben*» var [datert og tinglyst 25. mai 1897](#). **Erik** selde vidare i 1904. - Barneflokket auka med ei jente 10/1-1903. Ho vart døypt i Bagn krk. [3/5 s.å\[#8\]](#) der ho fekk namnet **Olga** [E](#).

Så har familien byrja å flytte på seg. **Erik** vart skriven «*Jernbanearb*» då dottera **Edle Marie Fredrikke** [E](#) vart døypt i [Gol krk. 16/9-1905\[#20\]](#). Jenta var fødd 20/8 s.å.på Lerhaugen i [Tuppeskogen](#). **Erik** var framleis i arbeid ved Bergensbanen i 1908. sonen **Otto Sigmund** [G](#) kom til verda på [Kolbjørnjordet](#) i Sokna 30/1-, dpt [Lunder krk. 12/4-1908\[#11\]](#). Dottera **Anne** [A](#) vart konfirmert i Lunder krk. [4/10-1908\[#5\]](#). Då yngste barnet, dottera **Alfhild Lorentse** [H](#) vart fødd, 25/5-1910, budde familien på Solheim i Folldal sokn, Alvdal prgj. Jenta vart døypt i [Folldal krk. 31/7-1910\[#14\]](#). [FT1910](#) plasserer familien på Tørhaug, Kirkekredsen i Folldal, [Lille Elvedalen](#) kommune. **Erik** var då *Grubearbeider*.

Kristine [B](#) vart konfirmert i Folldal [2/10-1910\[#37\]](#), **Anton** [C](#) [6/10-1912\[#27\]](#), **Sigrid** [D](#) [11/10-1914\[#40\]](#), **Olga** [E](#) [30/89-1917\[#33\]](#), **Otto Sigmund** [G](#) [15/2-1922\[#17\]](#) **Alfhild Lorentse** [H](#) [12/10-1924\[#37\]](#).

Reidar Oddivand Nikkima [I](#) f 23/4-1912, dpt Folldal krk [4/5-1913\[#7\]](#), konf [2/10-1927\[#54\]](#). **Jim (Valton)** [K](#) f Tørhaug 23/1-, dpt Folldal [26/12-1915\[# 25\]](#), konf [29/9-1929\[#7\]](#). **Einar Valter** [L](#) f Tørhaug 30/5-, dpt Folldal [21/10-1917\[#20\]](#).



Postkort: «Ved Foldals Værk» Foto: Joramo, Opdal ([Digitalt Museum](#))

Anne ^A gifta seg i [Orkdal krk. 17/1-1918](#)^[#2] med gruvearbeidar **Arne Kirksæter**. Han var fødd på [Støen](#) i Hemne prgj 29/10-, dpt i [Hemne krk. 16/12-1883](#)^[#67] og konf i Hemne [3/7-1898](#)^[#24]. **Arne** var son til kom.sergeant [Erik Halvorson](#) og [Magnhild Andersdtr.](#) Han budde ved [FT1891](#) og [FT1900](#)⁽²⁾ saman med foreldra på [Støen gnr 102/22](#) i Hemne kommune. **Arne** er nemnt i databasen «[Hemneslekt](#)».



Postkort [Kyrksæterøra](#)

DISgravminner syner at **Kristine** ^B døydde [2/4-1984](#) og vart gravlagd ved [Snåsa krk.](#) 6/4 s.å. Under same gravstein kviler **Jonas Andreas Bergli**, f Næs 8/5-, heimedpt 11/6-1899, dpt [Nordli krk. 11/6-1900](#)^[#1]. Han er nemnt ved FT1910 både på gnr. 22/3, [Solbakken i Lierne](#) og i [Bygsethusene](#) gnr 21/4 i same kommune. Foreldra var skogsarbeidar [Anders Olof Anderson](#) og pige *Brita Jons?*.

Anton ^C gifta seg i Folldal krk. [2/8-1925](#)^[#7] med **Elise Olsdtr Fagerbekk**. Ho var dotter til husmannsfolka [Ole Olson](#) og [Johanna Trondsdt.](#) Ho var fødd på [Fagerbekk i Soknedal](#) 10/9-, døypt i Soknedal krk, Støren prgj. [11/10-1896](#)^[#25] og konf. [23/4-1911](#)^[#20]. Ho budde på Fagerbækindlægget under gnr 37/4 i Soknedal kommune både ved [FT1900](#) og [FT1910](#). DISgravminner syner at **Anton** ^C døydde [29/7-1955](#), gravl 2/8 s.å. **Elise** døydde [16/5-1980](#), gravl 23/5 s.å.. Ektefolka kviler på Lørenskog gravplass.

Olga ^E fann seg ektefelle med trøndsk målføre. **Anneus Solnes**, son til husmannsfolka [Gustav Jakobson](#) og [Anna Margrethe Olsdtr.](#), var fødd på [Røsvold](#) vald i Verdal 7/2-, dpt i [Vinne krk.](#), Verdal prgj. [3/4-1896](#)^[#8], konfirmert Verdal prgj. [2/10-1910](#)^[#21]. - **Anneus** og **Olga** ^E gifta seg i Folldal krk. [9/4-1921](#)^[#7]. - Hå DISgravminner finn vi at **Anneus** døydde [12/8-1980](#), gravl. 19/8 s.å og **Olga** døydde [22/1-1992](#), gravl. 30/1 s.å. - Dei kviler på Snåsa kyrkjegard. Her finn vi òg sonen **Magne Solnes** (18/8-1924 – 11/5-2004). Nettsida «[Anene til mange Snåsninger](#)» her fleire opplysningar.

Alfhild Lorentse Stai ^H finn vi òg hjå DISgravminner. Hø døydde [23/1-1997](#) og vart gravlagd 30/1 s.å. på [Alfaset gravlund i Oslo](#). Med same gravnummer finn vi **Helge Stai** (11/12-1933 – 13/8-1982). [Ein GENIprofil](#) fortel at **Alfhild** ^H var gift med **Trygve Stai**. Han var son til *tømmermærker* [Håkon Bergerson](#) og [Pernille Josefine Torkildsdtr](#) og var f på Stai i Stor-Elvdal 14/12-1901, døypt i Stor-Elvdal krk. [3/3-1902](#)^[#10]. Han budde ved [FT1910](#) i Nilsstuen gnr 12/18 i Stor-Elvdal kommune.

Sidan ordet *tømmermærker* vart nemnt, kan de gjerne lesa Hans Ånrud sin [stubb om Ole Pedersen](#).

Hå DISgravminner finn vi vidare at **Jim Valton** ^K **Tørhaug** døydde [23/4-1991](#) og vart gravlagd på [Grorud kirkegård](#) 11/6-1991. Under same gravstein kviler [Kjellaug](#) (14/10-1913 – 14/8-2002).

Arbeidar ved Folldal gruver

Ved [FT1910](#) finn vi **Arne O Brækken** frå *Valders* som «*Grubearbeider*», busett i «*Hans Trøens hus*» i Kirkekredsen teljegrins i Folldal, Lille Elvedalen kommune.

Han **Arne** var son til **Ola Arneson** og **Marit Nilsson**, fødd på **Køtaeige** i Røn sokn, Vestre Slidre 10/6-, dpt i Røn kyrkje [23/7-1876](#)[#56]. Han vart konfirmert **Olsokdagen**, [29/7-1862](#)[#19]. Han er ikkje nemnt i «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*», men faren, **Ola Arneson** f 1847 og foreldra til **Ola**, **Arne Olson** og **Ragnhild Tollefsdtr** er nemnde på [side 674/675](#). - Legg merke til at heile tre av borna fekk namnet **Ola**. - Familien vart ved [FT1865](#) registrerte med bustad «*Kaata og Tildem*» i Braute teljegrins, Vestre Slidre prestegjeld.

[1/6-1890](#)[#1] vart **Arne Olson** konfirmert i Slidredomen. **Brækken** under gnr 46/3(Granei) i Nord-Aurdal var bustad for familien ved [FT1891](#)[#30]. (**Husliste**) **Personseddelen til Arne Olson**.

Eg går ut frå det er **Arne Olson** vi finn ved [FT1900](#) som ugift, «*Arbeider ved kanalanlæg*», busett på **Ihlen** søndre gnr 96/1 i Askim kommune. Kan det vera kanalarbeid i samband med utbygging av **Kykkelsrud kraftstasjon** **Arne** var med på?

Så har **Arne** flytta seg vidare – han vart skriven «*Jernbanearbeider*» (Bergensbanen?) med bustad **Ormerud** då han gifta seg, i **Krødsherad krk.** [30/3-1907](#)[#2]. Brura heitte **Maren Hansdotter**. Ho var fødd i Engestuen 7/8-, døypt i Lunner sokn, Jevnaker prgj, [15/9-1889](#)[#68]. Foreldra hennar var **Hans Olsen** Kjørveneige og **Randi Maria Monsdtr.** **Maren** budde ved [FT1900](#) på **Kapellsrud** søndre, gnr 49/1 i Nittedal kommune - saman med mor si og syskena **Anne Marie** f 1892, **Ole** f 1885 og **Ragna** f 1895. **Maren** vart konfirmert i **Hakadal krk.** [18/10-1903](#)[#18].

[FT1910](#) fortel at **Maren** held til i Valdres. Ho budde då hjå svigerfaren i Granli gnr 47/10 i Ulnes i Nord-Aurdal. Ho hadde med borna **Rakel Katinka** f Mørk 19/4-, dpt **Hakadal krk.** [9/7-1899](#)[#8], **Astrid Hansine** f Løvstad 31/5-, dpt **Hakadal krk.** [30/6-1901](#)[#7], **Harald** f Enderudeige 16/9-, dpt **Krødsherad krk.** [23/10-1904](#)[#30] og **Knut** f Ormerud 18/2-, dpt **Krødsherad** [31/3-1907](#)[#5]. – Foreldra til desse fire borna var jernbanearbeidar **Hans Amundsen** og **Karina Hansen**. Foreldra til dei fire var jernbanearb. **Hans Amundson Skurdal** f 1876 i Sør-Fron og **Marte Karine Hansdtr** f 1880 i Jevnaker. **Marte Karine** var storesyster til **Maren**. - Det vart notert i 1910 at **Maren** «*Lever av Mandens fortjeneste, han arbeider ved jernbaneanleggene og er stadig borte frå sin familie*». Ho burde då absolutt få ros for å ta seg av borna ho var morsyster til !



Postkortet lånt hjå [Folldalsportalen](#)

Gardkone på [Rødalen](#) i Engerdal og sidan på Trandem i Båstad, Østfold

Innførsle nr 30 i Ministerialboka for Elverum sokn syner at gardbrukar **Gjermund (Geirmund) Hansen** Røen gifta seg i [Elverum krk. 6/10-1894](#) med **Anne Kristine Nilsdtr** Kulpladsen. Ekteskape vart også innført i Ministerialboka for Engerdal, men [utan nummer](#).

Ho **Anne Kristine** var fødd på Hølersæterhaugen 10/3-, dpt i [Bagn kyrkje 30/4-1865\[#25\]](#). Ved [FT1865](#) vart ho registrert på Haugen i Olmhus teljekrins saman med dei eldre syskena **Inger**(1857) og **Anne Sofie**(1859). Foreldra til dei tre jentene var husmannsparet **Nils Anderson** og **Guri Kristoffersdtr**. Dei hadde gifta seg i Bagn kyrkje [10/11-1853\[#31\]](#). Familien er omtala under [Kølplassen](#), på sidene [464 og 465](#) i «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band B. [FT1875](#) fortel at familien då budde i [Sveriplassen](#) løpenr 496a, seinare gnr 50/32. - Øyhuseige vart notert som bustadadresse då **Anne Kristine** vart konfirmert [25/4-1880\[#12\]](#). Ho var ikkje registrert på Kølplassen i [FT1891](#).

Hans Gjermundson og **Siri Mortensdtr** heitte foreldra til **Gjermund Hanson**. **Gjermund** var fødd 9/11-1867, døypt i Trysil prgj. [2/2-1868\[#10\]](#) og konfirmert i [Engerdal krk. 7/10-1883\[#5\]](#). Han budde ved [FT1875](#) i Rødalen nordre løpenr 58q, 82l og 82g i Trysil prgj. saman med foreldra og syskena **Morten**(1869), **Mætte**(1871), **Kari**(1874) samt legdeenkja **Marte Halvorsdtr**(1806).

Gjermund og **Anne Kristine** var sjøelveigarfolk ved [FT1900](#). Dei hadde då borna **Sigrid** ^Af 21/7-, dpt [18/8-1895\[#14\]](#) og **Hans** ^Bf 10/10-, dpt [21/11-1897\[#17\]](#). **Gudrun** ^Cvart f på Røen 24/9-, dpt Engerdal krk. [6/10-1901\[#83\]](#). **Agnes Mathilde** ^Df 15/1-, dpt [31/3-1904\[#18\]](#). **Nils** ^Ef 19/7-, dpt [6/10-1907\[#87\]](#).

Så drog familien ut på ei lang reise. Dei kjøpte i 1909 garden [Trandem, gnr 131/2,7](#) i Båstad. De finn [Realregisterside for Trandem \(bruksnr 2\) her](#). – og [for bruksnr 7 her](#). - Det kjem ikkje fram noko kjøpsdato/år i realregistersidene, men «*Norske Gardsbruk*» *Østfold fylke bd.4* fortel på [side 349](#) at Trandem vart kjøpt i 1909. (Bilete nedst på denne sida)


I alle fall vart heile familien rekna opp på Trandem(mellem) gnr 131/2 ved [FT1900](#). Mor til **Gjermund**, **Siri Mortensdtr**, bur òg på garden, her finn vi og gjetarjenta [Johanne Johnsdtr f 1889](#) i Engerdal. Her finn vi dei og ved [FT1910](#) også no saman med *Førraadskone* **Siri Mortensdtr**.

Hans ^Bvart konfirmert i Båstad krk. [29/9-1912\[#8\]](#), **Gudrun** ^C [1/10-1916\[#9\]](#), **Agnes Mathilde** ^D [29/9-1918\[#13\]](#) og **Nils** ^E [24/9-1922\[#4\]](#). (**Sigrid** ^A er [nemnt hjå «MyHeritage»](#))

Anne Kristine Nilsdtr døydde iflg. DISgravminner [14/5-1938](#). **Gjermund Røen** døydde [18/11-1950](#). Dei kviler på Båstad kyrkjegard.

Hans ^B **Røen** overtik Trandem med skjøte datert 22/4-1940. DISgravminner fortel at han døydde [6/12-1993](#). Han deler grav med **Hjørdis**(Larsen) f 1/3-1909. Eg går ut frå at det er ho som vart døypt i Ullensaker krk. [2/5-1909\[#13\]](#) – med foreldra *tjenestegut* **Ole Larsen** og **Anne Martinsdtr** på [Smelop](#). **Hjørdis** døydde [13/6-1997](#).

DISgravminner syner at **Nils** ^E **Røen** døydde [3/8-2002](#) i Trysil, Han vart gravlagd ved Trysil krk. 9/8 s.å. – og deler gravstein med **Hansine Røen**(18/3-1912 – 29/8-1998).



Tenestegutar på [Kværnes](#) i Rendalen

Pigen [Kari Gudbrandsdtr](#) Skalet og Ungk: [Helge Arneson](#) [Stavadalsmoen](#) gifta seg i [Reinli stavkyrkje 1/4-1836\[#7\]](#). - Her må eg ta med at [Helge Arneson](#) var syskanbarn med ein av mine 16 tippoldefedre. [Kari](#) og [Helge](#) vart foreldre til 7 born; tvillingane [Arne A](#) (11/1- - 23/11-1838) og [Gudbrand B](#) (12/1- - 18/10-1838). Neste barn, ein gut, f 27/2-, fekk namnet [Arne C](#) 12/4-1840, han vart konfirmert i Reinli [11/6-1855\[#8\]](#). Ein ny [Gudbrand D](#) vart fødd 24/11-, dpt [25/12-1841\[#150\]](#). Han har fått sin eigen stubb; «[Stavadølen vart fiskar på Frøya](#)». Hovudperson i denne stubben kom til verda 27/11- og fekk namnet [Tore E](#) [25/12-1843\[#169\]](#), konf Sør-Aurdal prgj. [6/6-1858\[#9\]](#). Han arva førenamn frå oldefaren i [Skalé](#). [Eli F](#) (21/8-1845[#160] – 3/10-1849[#8]) arva namn frå oldemor si i [Høllen](#), Yngste-guten, [Ola H](#) hadde to oldefedre med dette namnet. [Ola H](#) var f på [Vestreim](#) i Reinli 17/9-, dpt [3/10-1847\[#139\]](#) og konfirmert i [Bruflat krk. 22/6-1862\[#9\]](#). - De finn panteregisterbladet for Stavadalsmoen gnr 5/3 i Sør-Aurdal [her](#). Familien vert omtala på sidene [99&100](#) og 234 i «[Gard og bygd i Sør-Aurdal](#)» band A (Reinli og vestre Bagn).

Ministerialboka for Reinli 1866 syner at ungarane [Thore E](#) og [Arne C](#) Helgesøner fekk utferda [flytteattester \[#2&3\]](#) med reisemål Rendalen. Ved [FT1865](#) finn vi enkje [Kari Gudbrandsdtr](#) som *tjenestepige* på [Narud](#) i Veldre sokn, Ringsaker medan [Tore E](#) budde på same stad ([FT1865](#)) og var *Dagleier* og *Tømmerhugger*. Her kan nemnast at bror til [Kari](#), [Tore Gudbrandson](#) åtte garden [Mælum under Berget](#) i Veldre([FT1865](#)). - Kan det vera [Ola H](#) som ved [FT1865](#) var *Tjenestekarl* på [Horn i Gran](#) ?

[20/3-1866\[#3&4\]](#) vart [Tore E](#) og [Arne C](#) noterte som innflytta til ytre Rendalen. [Tore](#) til Qvernes og [Arne](#) til Qvernes øvre. Dei har synt fram attester, datert 20/3-1866 frå [Sogneprest Heverdah](#) til S Aurdal. - *Dagarbeider* [Arne C](#) døydde på øvre Qvernæs [10/4-1868\[#13\]](#) og vart gravlagd ved [ytre Rendal krk.](#) Han vart jordfesta 5/7 s.å. Mange dødsfall i Rendalen i 1868 er notert med dødsårsak [Mæs-linger](#) og [Skarlagensfeber](#).



Kværnesgardane ligg oppe på åsryggen - Foto OHF 23/8-2013

Det ser ut til at [Tore E](#) har vore på friarstig etter at han kom til ytre Rendal. Vi finn han som brudgom i Ytre Rendal krk. [6/1-1870\[#11\]](#). Brura var dotter til inderstparet [Lars Erikson Otnes](#) og [Gunild Pedersdtr](#). Ho var fødd på [Otnes](#) 13/6-, fekk namnet [Anne](#) i Ytre Rendal krk. [7/8-1842\[#22\]](#), konfirmert Ytre Rendal [11/10-1857\[#13\]](#). [FT1865](#) syner at [Anne](#) Larsdtr då budde i [Torestuen](#), løpenr 31a, saman med mor si og *pleiebarnet*, 6 år gamle [Ole Olson](#), bortsett for *fattigvæsenets regning*. Her budde òg dagarbeidar [Peder Pederson](#) og son hans, *skrædderdreng* [Jakob Pederson](#). Familien i [Tore-stuen](#) vert nemnt i «[Ytre Rendal: Gard og ætt](#)» [side 611](#).

Det vert oppgjeve at **Anne Larsdtr** og **Tore ^E Helgeson** (Moen) budde i søndre Torestua, gnr 16/20 i Ytre Rendal. Dei fekk borna **Guren ^{E1}** f 27/6-, dpt [29/8-1869\[#32\]](#), **Karen ^{E2}** f 6/3-, dpt [2/7-1871\[#22\]](#), **Håkon Lauritz ^{E3}** f 17/8-, dpt [12/10-1874\[#35\]](#), **Laura ^{E4}** f **Lomnæs** 17/3-, dpt [13/5-1877\[#17\]](#) og **Tore ^{E5}** f **Otnæs** 17/8-, dpt [16/10-1881\[#21\]](#). Alle borna vart døypte i Ytre Rendal krk.



Ytre Rendal krk. og Lomnessjøen - Foto OHF 23/8-2013

Nedre Thorestuen var registrert bustadadresse for familien ved [FT1875](#). Mor til **Anne Larsdtr**, **Gunhild Pedersdtr**, budde saman med dei.

[11/4-1882\[#8-14\]](#) vart det notert i Ministerialbok nr. 10 for Ytre Rendal at **Anne Larsdtr**, **Tore Helgeson** og dei fem borna hadde fått utflyttingsattester med reisemål Amerika. «*Attestens datum*» var 8/4-1882. «*Foreldrene gifte 6. juni 1870. På deres vandel vides intet at udsætte*». Databasen «*Emigranter over Kristiania 1871-1930*» syner at dei reiste frå Kristiania [14/4-1882](#) [[2,3,4,5,6,7](#)] og hadde St. Paul (Minnesota?) som reisemål.

[Minnesota State Census 1895](#) syner at familien då budde i **Crookston city**, Ward 04, **Polk County**. Her finn vi borna **Gilbert ^{E1}**(Guren), **Carrie ^{E2}**(Karen/Kari), **Charly ^{E3}**(Håkon Lauritz) og **Laura ^{E4}**. Ved [Census 1900\[#2-5\]](#) var dei framleis busette i Crookston, no saman med dottera **Laura ^{E4}** og steddottera **Lottie**, 3 år gamal. *Findagrave.com* syner at **Tore H Bang** døydde [5/8-1905](#). Det er vel **Anne Larsdtr** vi finn registrert som **Annie Baug** ved Census 1910 i Crookston Ward 4 saman med dottera **Carrie ^{E2}** og borneborna **Herman**, **Hela**, **Teddy** og **Clarence Simpson**. **Anne Larsdtr** døydde iflg *Findagrave* [10/1-1914](#). Ho og **Tore** kviler på [Oakdale Cemetery](#) i Crookston, Polk Co.

Gilbert ^{E1}(Guren) døydde 11/3-1934. Han er òg gravlagd på [Oakdale Cemetery](#).

Veslebror til **Tore Helgeson**, **Ola ^H Helgeson**, var komen til USA nokre år før broren. Han vart notert son *ugift skreddar* då han reiste [frå Kristiania i 1869](#) med lina Oder. Reisemålet var Madison (Wisconsin). De finn ein artikkel om han i boka «*Compendium of history and biography of Polk County, Minnesota*» [sidene 350-351](#). Ei «*etterlysing*» av **Ola ^H** vart funne hjå [Ancestry.co.uk](#) i oktober 2007. Han døydde [21/4-1928](#) og kviler på Our Saviours Lutheran Church Cemetery i Polk County.

OLE H. BANG.

This enterprising, progressive and very successful farmer is probably the best known man in North-western Polk county, and his fine home on the bank of the Red River of the North, Section 17 and adjoining sections, Higdem township, is one of the most attractive and valuable in the county, and one of the most hospitable and popular rural resorts in this part of the country. It is one mile south of the county line, three miles south of Oslo and about twenty miles north of Grand Forks.

Mr. Bang was born in Valges, Norway, October 17, 1847, and came to the United States in the spring of

Foreldrepar frå Tynset og Fron døypte dotter si i Slidredomen

Nikoline fekk namn ved heimedåp 11/1-1831 og dåpen vart stadfesta i kyrkja [16/1 s.å.\[#2\]](#). Ho var «uægte» dotter til *ungkarl* [Lars Bærtelsen](#) frå [Tønset præstegjeld](#) og enkje [Anne Cathrine Carlsdatter](#) frå [Frons præstegjeld](#). Fadrane var Ingeborg Knudsdatter *Tvenge*, Guri Toresdatter *Tvenge*, Anbiør Haaversdtr *Braathen*, Peder Nilsen *Tvenge* og Ole Larsen *Øyen*. – Bustadnamna til fadrane får meg til å tru at Nikoline var døypt i Slidredomen.

Det er vel **Nikoline** som er omtala i ein [GENIprofil](#). Her er nytta namna Rosenberg og Holan(d). GENIprofilen fortel at ho gifta seg med [Anders Pederson](#) f 1/5-, dpt i Jevnaker krk. [4/5-1817\[#25\]](#).

Ho **Nikoline** vart skriven «*Opholdsenke*» då ho døydde på [Bransnæs](#) i Folldalen [9/7-1910\[#10\]](#). Ho vart gravlagd ved [Folldal krk.](#) 14/7-1910 og jordfesta 31/7 s.å. – Dødsårsak: «Lungebetændelde». Her har GENIprofilen ein annan dødsdato og -stad enn dei eg har funne – og ho er ikkje nemnt i Ministerialbøkene for 1893 korkje i Øre, Straumsnes eller Ringvoll sokn i Tingvoll prgj.

De finn nettsidene «*Eilert Sundt og fantesaken*» på [denne nettstaden hjå RHD.](#).

Huslærar i Holmslien i Rendalen

Ein av borna som vart døypt i stavkyrkja i Lome [20/7-1856\[#42\]](#) vart i Ministerialboka notert med namnet **Reier**. Guten var fødd 4/7 s.å. og foreldra vart skrivne [Knud Reiersen Hauge](#) og [Kari Einarsdatter](#). Han vart ved [FT1865](#) registrert på Hauge løpenr 72 i Vestre Slidre prgj. saman med foreldra, brørne [Knut](#) og [Ola](#), og systrene [Marit](#) og [Kari](#) – samt tenestjenta Kari Halvarsdtr.

Reier Knudsen vart konfirmert [21/5-1871\[#3\]](#). Sokneprest [G H Winsnes](#), har med si særeigne handskrift notert at guten var (koppe)vaksinert 7/10-1857 *af Brandt*. Men Winsnes var ikkje så nøye med å skrive kva for ei kyrkje i prestegjeldet konfirmasjonane vart halde i. «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*» nytta på [side 273](#) namneforma Reidar.

Kvar – og kva slag [lærarutdanning](#) **Reier** fekk, finn eg ikkje opplysningar om. Men sikkert er at han ved [FT1875](#) var [Huslærer](#) på [Holmslien](#) (vestre) løpenr 2b i Rendalen prgj. Her vart førenamnet hans skrive **Reidar**. (sjå Vågslid: *Norderlendiske fyrenamn* [side 284](#) og Åsen: *Norsk navnebog* [side 32](#)). Kor lenge han held til i Rendalen finn eg ikkje opplysningar om, men neste gong eg råkete på namnet hans – då var det i dødsfallavsnittet i kyrkjeboka for Domkyrkja i Stavanger.

I Stavanger var han lærar ved den [høiere Almueskole](#), han var ugift og busett i [Olafskleven](#). Det vart notert at årsaka til dødsfallet var «*Tæring og Blodforgiftning*». **Reier/Reidar** døydde 27/12-, gravl ved [Stavanger domkrk.](#) [31/12-1884\[#74\]](#).



Hustømmermand i Storelvdal



[FT1900](#) syner at ugift [Hustømmermand](#) **Bendik Olsen**, fødd 1840 i *Østre Slidre, Kristians Amt(Krs)*, då hadde tilhald på garden [Koppangshammeren](#), gnr 21/1 i Stor-Elvdal kommune.

Bendik kom til verda i Røe, Rogne sokn 1/10-, dpt [Rogne krk.](#) [11/10-1840\[#55\]](#). Foreldra var «*huusfolk*» [Ole Bendixs Rudi](#) og [Ragnild Larsdtr.](#) **Bendik** vart konfirmert i Øystre Slidre prgj. [1/6-1856\[#19\]](#). Foreldra en nemnde i «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» band B, [side 409](#)(Nereng).

Så har nok **Bendik** teke veg ut or heimbygda. Eg vil tru det er «vår» **Bendik** vi finn ved [FT1865](#) som losjerande skomakar på [Midtbøen](#) i Nordsinni sokn, [Land prestegjeld](#). Eigarfamilien her var frå Sør-Aurdal ([sjå s. 595](#)). Eg har gått gjennom [FT1875](#) for Nordre Land utan å finne **Bendik**. Men han var komen til Stor-Elvdal før 1/1-1901 - og etter [FT1891](#). Framme ved [FT1910](#) finn vi **Bendik** som tenar; *tømmerrmand og snedker*, busett hjå fam. Fjeldvang, i Sommerstuen på [Nesset nordre](#) i Stor-Elvdal.

Ugift *sk(ogs) arb.* **Bendik Olsen** hadde tilhald på [Nystu Trønnes](#) i 1921. Klokkarboka fortel: «*Gått seg vill i skogen, frøs i hjel, gjenfunnet dagen etter*». Dødsdato var [15/12-1921\[#15\]](#) og Bendik vart gravlagd/jordfesta ved Stor-Elvdal krk. 6/1-1922.

Om nokon undrast på illustrasjonen i tittelfeltet kan eg nemne at dette er ein [Tømmermann](#).

Skiferkarane frå Øystre Slidre lærde bort yrket sitt i Storelvdal



Ved [Folketeljinga1900](#) finn vi ein stor flokk Øystreslidringar busette ved [Messelt Skiferbrud](#) under [gnr 11/3 i Stor-Elvdal](#) kommune. Det er berre ein av desse som er innført med utflyttingsattest frå Øystre Slidre prestegjeld ([# 1 i 1900](#)). Eg vel her å nemne «skiferkarane» i den rekkjefylja dei har ved FT1900. Vi startar med skiferstein nummer 1:



Ola Olson Tvenge var f 8/12-1866, dpt i [Rogne kyrkje 10/2-1867](#)^[#8] og konfirmert i [Hegge krk. 12/6-1881](#)^[#9]. Foreldra var [Ola Olson\(1831](#)^[#11] -[1899](#)^[#8]) g [12/4-1859](#)^[#6] m [Ingebjørg Olsdotter Presterud\(1831](#)^[#13] – [1890](#)^[#2]). Familien budde ved [FT1875](#) på Tvenge løpenr 317h i Ø Slidre. Framme ved [FT1891\(1.januar\)](#) var **Ola** «skiferstenhugger for egen regning». Han vart notert som gift, men ho som skulle bli kona hans, **Kari Gunnarsdotter**, vart notert som ugift – og «besøkende». **Ola** og **Kari** starta ekteskap [27/2-1891](#)^[#1]. Dei fekk dottera [Ingebjørg 2/4-1892](#)^[#4], heimedpt 3/4 s.å., død 10/4 s.å., gravl [27/4 s.å.](#)^[#7]; «*For tidlig fødsel*» vart notert som dødsårsak. **Kari Gunnarsdotter** døydde 20/4 s.å.^[#6] og vart gravlagd samstundes med dottera. Enkjemannen **Ola Olson** vart då skriven *Inderst*. Han er nemnd på [side 313](#) i «Gardar og slekter i Øystre Slidre, band B».

Han **Ola Olson** var truleg komen til Storelvdal innan nyår 1895. Han tok turen til [Hamar domkrk.](#) og gifta seg med **Ingeborg Amalie(Marie) Eriksdtr. 24/2-1895^[#6]. Ho var fødd 12/2-1872 i Värmland i Sverige. **Ingeborg** og **Ola** vart foreldre til: **Olaf** ^A f [Messelt 26/9-](#), dpt [Stor-Elvdal krk 1/12-1895](#)^[#48], konfirmert [3/10-1910](#)^[#20]. Han døydde 30/5-1946 og kviler på Storelvdal kyrkjegard. Under same gravstein finn vi foreldra; **Ola** død [5/7-1919](#) og **Ingeborg**, død [24/10-1945](#). - Familien budde ved [FT1910](#) på Messelt nordre, gnr 11/3 i Stor-Elvdal kommune. **Ingeborg** ^B var f 2/2-, dpt [21/3-1897](#)^[#8], konf [23/4/1911](#)^[#33]. **Erik** ^C f 23/3-, dpt [4/6-1899](#)^[#30], konf [30/3-1913](#)^[#6]. **Kristine** ^D fødd 11/3-, dpt [2/6-1901](#)^[#18], konf [30/4-1916](#)^[#11]. **Sigrid** ^E f 6/8-, dpt [4/10-1903](#)^[#34], konf [17/3-1918](#)^[#28]. **Anne** ^F f Nordstu Messelt 24/8-, dpt [1/11-1908](#)^[#35], konf [18/3-1923](#)^[#3]. **Tollef** ^G fødd 21/8-, dpt [16/10-1910](#)^[#29], konf [22/3-1925](#)^[#24]. Ved dei tre siste konfirmasjonane var bustadadressa til familien [Tobru](#). **Eivind** ^G var f på Messelt 5/10-, dpt [17/11-1912](#)^[#38], konfirmert [20/3-1927](#)^[#20].**

Familien er med i ein [GENIprofil](#). **Ingeborg** ^B vart gift [13/2-1915](#)^[#2] med **Edvard Roen**, son til *enkem.* [August Pihl](#) og *pige* [Emma Engebretsdtr Stai](#). **Edvard** var f 6/7-, dpt [25/10-1885](#)^[#45], konf [22/4-1900](#)^[#2]. **Edvard** døydde [23/1-1965](#), **Ingeborg** ^B døydde [7/8-1976](#). - **Kristine** ^D stod brur i Stor-Elvdal [19/12-1921](#)^[#29], brudgom var *malersvend* [Jørgen Johansen](#) f 13/1-, dpt [23/4-1893](#)^[#22], son til *skogsarb.* [Johan Olsen Fløihammeren](#) og [Edine Jørgensdtr. Kristine](#) ^D døydde [15/11-1979](#) og ektemannen [Jørgen](#) døydde [28/8-1982](#). - **Erik** ^C gifta seg i Stor-Elvdal [25/12-1923](#)^[#16] med **Inga Moen** f [Mykleby](#) 20/11-1895, dpt [5/1-1896](#)^[#2], dotter til sjølveigar [Karenus Olsen](#) og [Ingeborg Pedersdtr. Erik](#) ^C døydde [12/2-1973](#), **Inga** [20/4-1977](#). - **Sigrid** ^E gifta seg [12/6-1927](#)^[#4] med skiferarbeidar [Aksel Heksum](#), son til dagarbeidar [Helmer Heksum](#) og [Katrine Martinsen](#), f Fagervik 23/2-, dpt [23/4-1899](#)^[#17]. **Aksel** døydde [11/12-1927](#) og **Sigrid** døydde [14/11-1991](#). Dei er gravlagde ved Stor-Elvdal krk. - **Tollef** ^G gifta seg i Stor-Elvdal [14/6-1941](#)^[#13] med **Aslaug Koppang**, f 11/9-1915. **Tollef** ^G døydde [5/7-1976](#), **Aslaug** [24/4-2000](#). - **Eivind** ^G vart gift med **Marit Gjelten** frå Alvdal. Ho var dotter til småbrukar [Rikard Pedersen](#) og kona [Petra](#), f Rønningen 26/6-, dpt [11/8-1912](#)^[#19] og konfirmert i [Alvdal krk. 9/10-1927](#)^[#29]. Dei gifta seg i Stor-Elvdal [8/11-1947](#)^[#25]. **Eivind** ^G døydde [21/10-1977](#) og **Marit** døydde [25/6-1993](#). Ektefolka kviler ved Stor-Elvdal kyrkje.



Då tek vi fatt i veslebror til Ola i fyrste stubb. Han hadde og fått namnet **Ola**. – Det var sjølvsgat to bestefedre som skulle oppattkallast. Når båe heitte Ola, laut to gutar få dette namnet. **Ola**-karen i denne stubben var f 10/6-, dpt i Rogne krk. [8/10-1871](#)^[#37] og konfirmert i Hegge krk. [7/11-1886](#)^[#3]. Han vart ved [FT1875](#)^[#5] skriven **Ole Olsen d.y.** Han var i alle fall komen til Messelt innan hausten 1900. Ministerialbok nr. 3 for Øystre Slidre syner at han flytta til Storelvdalen i 1898, men notatet vart datert i

1900. Han gifta seg i [Hamar Domkyrkje 28//10-1900\[#48\]](#) (KBStorelvdal) med **Julie Johannesdtr.** Ho var fødd på [Stai 28/8-](#), dpt [11/12-1881\[#107\]](#) og konfirmert i Storelvdal [12/4-1896\[#50\]](#). Foreldra hennar var dagarbeidar [Johannes Torgerson](#) Stai og [Pernille Engebretsdtr.](#) **Julie** og **Ola** var ved [FT1900](#) busett ved Messelt skiferbrud under gnr 11/3 i Stor-Elvdal kommune. «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*», band B, fortel på [side 313](#) at **Ola** emigrerte til USA. Ministerialbok nr. 3 for Stor-Elvdal fortel i bolken om «*udflyttede*» at ektefolka [Johannes Torgersen](#) f 1842, kona [Pernille Engebretsdtr](#) f 1842, sonen [Peder Johannesen](#) f 1884, dottera [Julie Johannesdtr](#) f 1881 og svigersonen [Ole Olsen Tvenge](#) f 1871 fekk utferda flytteattester med reisemål Amerika [16/3-1901\[#2-6\]](#).

[Ole Olsen Tvenge](#) 28 år og kona [Julie](#) reiste frå Kristiania 22/3-1901 med Orlandolina. Reise-mål var Minnesota. Svigerfamilien til **Ole**, [Johannes Torgersen](#), [Pernille Torgersen](#) og [Peder Johannesen](#) reiste med Montebellolina frå Kristiania 5/4-1901; også med Minnesota som reisemål. De finn **Ole Tvinge** og familien hans i [Census1920](#) busett i [Gorton, Grant Co.](#), Minnesota. [Census1930](#) syner at dei ikkje hadde flytta på seg det siste tiåret. - Familien er nemnt hjå [MyHeritage](#).



Ola Anderson var fødd 21/3- og dpt, truleg i [Rogne krk.](#), [10/4-1868\[#21\]](#). Han vart konfirmert i Rogne krk. [4/11-1883\[#16\]](#). Foreldra hans var inderstparet [Anders Larson](#) og [Ingri Olsdtr](#), dei hadde gifta seg [2/8-1863\[#12\]](#). **Ola**, broren [Jon](#) og faren [Anders Larson](#) budde ved [FT1875](#) på [Prestrud](#). [FT1900](#) gjev oss opplysning om at **Ola** då var komen til Messelt skiferbrud.

Regine Mortensdtr (Nordrum) vart kona til **Ola Anderson** [4/5-1901\[#9\]](#). Ho var dotter til [Laura Larsdtr](#) og [Morten Paulson Atneosen](#); f 18/9-1876, dpt [25/3-1877\[#17\]](#). Ho vart konfirmert [24/4-1892\[#48\]](#). Ved [FT1900](#) var ho *Syerske* og hadde tilhald på Stenmoen gnr 12/9 i Stor-Elvdal kommune.

Regine og **Ola** fekk sonen **Martin Alfred** [A](#) f 4/6-, dpt [7/7-1901\[#25\]](#), konfirmert [30/4-1916\[#15\]](#). **Olav** [B](#) f Syringen 14/1-, dpt [29/3-1903\[#9\]](#), konf [17/3-1918\[#12\]](#), død 1981. **Reidar** [C](#) f Kløften 26/5-, dpt [28/8-1910\[#24\]](#), konf [22/3-1925\[#18\]](#). **Ivar** [D](#) f Messelt 12/7-, dpt [1/12-1912\[#40\]](#), konf [20/3-1927\[#22\]](#). **Leif** [D](#) f 12/8-1914, dpt [7/2-1915\[#2\]](#), konfirmert [10/3-1929\[#30\]](#), død 1985.

[FT1910](#) plasserte familien på Kløften gnr 12/20 i [Imsroa](#), Stor-Elvdal. DISgravminner fortel at **Regine** døydde i 1940, **Ola Anderson** i 1962.

Martin Alfred [A](#) gifta seg [5/10-1929\[#10\]](#) med **Kjellaug Iverinsen**, dotter til [Iverin Svendsen](#) og [Karen Helgesdtr](#), f [Trønnes](#) 28/5-, dpt [19/6-1904\[#23\]](#), konf [16/3-1919\[#13\]](#). Familien vart ved [FT1910](#) registrert med bustad [Klarbækken](#) gnr 17/25 i Stor-Elvdal kommune. **Martin Alfred** [A](#) døydde [21/12-1971](#), **Kjellaug** [30/3-1982](#). - **Reidar** [C](#) vart gift med **Olava Skogberget** [3/6-1939\[#9\]](#). Olava var fødd 7/6-, dpt i [Ytre Rendal krk.](#) [24/7-1910\[#15\]](#), konf Ytre Rendal [11/10-1925\[#20\]](#). Foreldra hennar var sjølveigar [Karenus Jenson Kilden](#) og [Oline Hansdtr.](#) **Olava** budde ved [FT1910](#) på Skogsberget gnr 8/12 i Ytre Rendal kommune. Ho døydde iflg. DISgravminner [16/8-1986](#), ektemannen **Reidar** levde fram til [14/4-1993](#). - **Ivar** [D](#) **Håvi** gjekk inn ekteskap [20/11-1937\[#21\]](#) med **Ågot Kristiansen**, dotter til [Kristian Johansen](#) (Stai) og [Olga Gurenusdtr](#) (Trønnes); f Helgestuen 15/12-1912, dpt Stor-Elvdal [31/3-1913\[#11\]](#), konf [18/3-1928\[#29\]](#), død [19/7-1974](#). **Ivar** [D](#) døydde [3/5-1987](#). Dei kviler ved Stor-Elvdal krk.



[Knut Olson](#) på *søndre Melby* og [Marit Knutsdtr Præstrud](#) starta ekteskap [27/12-1856\[#26\]](#). Dei budde ved [FT1865](#) på Kolstad(Bakken) lno 320b og 323d i Øystre Slidre prgj. Dei vert nemnde på [side 358](#) i «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*». Bygdeboka syner fire born; [Ingebjörg\(1858\)](#), [Ole\(1859\)](#), [Knut\(1863\)](#) og [Tollef\(1866\)](#). Det ser ut til at dei hadde *fem* born som bygdeboka ikkje tok med. Ein av dei var **Ola** f 25/5-, dpt Rogne krk. [4/8-1872\[#28\]](#), konf Rogne [11/11/1888\[#4\]](#). Han vart ved [FT1875](#) nemnt [\[#6\]](#) saman med foreldra og tre brør på [Kolstadbakken](#) løpenr 320b & 323a. **Ola Knutson** budde òg ved [FT1891](#) på (Kolstad)Bakken, han var då *skiferstenschugger* og *landbrugsarbeider*.

Ola har så teke vegen til Storelvdal. Her har han ved sida av å bryta skifer, vore på friarferd i nærområdet. Han gifta seg i Stor-Elvdal krk. [11/4-1901\[#5\]](#) med enkja **Marte Severine Olsdotter**. Ho var fødd på Stai 9/3-, dpt [1/6-1848\[#31\]](#) og konfirmert i Storelvdal [16/10-1864\[#5\]](#). Foreldra hennar var [Ole Larson](#) og [Berthe Gulbrandsdtr.](#) Eg vil tru det er ho som var *Tjenestepige* på [Gammelstue Stai](#) ved [FT1865](#). Ho vart gift [26/12-1871\[#18\]](#) med arbeidar [Kristen Iversen](#) f i Ringeby. Han døydde av «*Hjerte-sygdom*»

på Bystadhaugen [3/1-1899](#)^[#1]. Vi finn **Marthe** og **Ola Kolstad** på Bystadhaugen, plass under gnr 11/2 i [Imsroa](#), Storelvdal, ved [FT1910](#). **Ola** var *Stenbrudsarbeider og Kafevært*, **Marte** var *Kafevært-inde*. **Marte** døydde på Bystadhaugen [4/1/1931](#)^[#3], gravl 15/1 s.å. ved Storelvdal krk.



Karen vi skal slå lag med under skiferstein 5 heiter **Anders Olson**. Han kom til verda i [Køllstad](#) 29/12-1875, vart døypt i Rogne krk. [20/2-1876](#)^[#7] og konfirmert same stad [1/11-1891](#)^[#12]. Foreldra hans var husmannsparet [Ola Knutson](#) og [Guri Andersdtr.](#) Familien er omtala under Nørdre Køllstadbakkin på [sidene 360/361](#) i «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» band B. Her vert nemnt at **Anders** vart syskenbarn med statsråd [Olav Meisdalshagen](#). Foreldra hadde nok vorte samde om kva namn guten skulle få innan dei tol turen til kyrkje med dåpsbarnet. I [FT1875](#)^[#4]; ([utført 3/12-1876](#)) for plassen Kolstadbakken i Søndre Rogne kreds, vart det notert at sonen f 1875 hadde namnet **Anders**. Han var òg ved [FT1891](#) busett i Køllstadbakka.

Medan han var «skiferkar» i Storelvdal, tok han seg òg tid til å vera på friarfot. [29/6-1901](#)^[#10] starta han ekteskap med **Antonette Marie Antonsdtr.** Ho var dotter til *jernbanearb.* [Anton Olsen](#) Stai og *pige* [Marie Jørgensdtr](#) Stai; fødd 17/4-, dpt [9/6-1878](#)^[#52], konf [1/4-1894](#)^[#46]. Ved [FT1900](#) var ho *Budeje* på Stai søndre, [gnr 12/1](#) i Stor-Elvdal prgj.

Antonette Marie og **Anders** vart foreldre 6/9-1901. Jenta fekk i Storelvdal krk. [6/10-1901](#)^[#25] namnet **Gurine**. - Så har familien sett kursen mot Øystre Slidre. **Anders** kjøpte i mai 1903 garden Dokken, gnr 37/11 i Øystre Slidre kommune. Skjøta var datert og tinglyst [12/5-1903](#). De kan lesa meir om familien på [sidene 119/120](#) i «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» band B. Lat meg ta med at **Gurine** døydde av tæring [4/9-1916](#)^[#2] og vart gravlagd ved Volbu krk. 13/9 s.å.



Det er andre sundag i advent i året 1877. Ho **Marit Knutsdotter** hadde denne dagen med ein liten son til Rogne kyrkje. Han vart denne dagen, [9/12](#)^[#64], døypt med namnet **Knut**. Han var komen til verda 31/10 s.å. Far hans var oppgjeven å vera sjølveigarson [Knut Sveinson Vaarum](#). **Knut Knutson** vart konfirmert i Rogne kyrkje [6/11-1892](#)^[#10]. [FT1891](#) fortel at **Knut** budde saman med mor si og morbroren [Knut](#)(f 1856) på *Godebakken*(Gotobakkin). - Han var komen til Messelt skiferbrud ved [FT1900](#). Ti år etter, syner [FT1910](#) at han var skiferarbeidar og gardbrukar i Brenna gnr 47/27 i Øystre Slidre. Han budde då saman med mor si, **Marit Knutsdotter** og [Kristen Toreson](#) f [13/2-1882](#)^[#11].



Då er vi komne til den sjuande - ikkje den [sjuande far i huset](#), men den sjuande Øystreslidring som farta over til Messelt i Storelvdal. **Torstein Olson**, son til husmannsparet [Ola Torgrimson](#) og [Berit Olsdtr](#) i Køllstad kom til verda 1/12- og vart døypt i Rogne kyrkje juledagen, [25/12-1878](#)^[#65]. Han vart konfirmert i Rogne krk. [22/4-1884](#)^[#1]. Familien var ved [FT1891](#) registrert busett i [Ødegaardsbakken](#) under gnr 47/1 i Søndre Rogne teljkrins, Øystre Slidre kommune ([Husliste](#)). Her finn vi personskjema for [Ola Torgrimson](#), [Berit Olsdtr](#), [Torstein Olson](#), [Tollef\(Tølleiv\) Olson](#), [Ola Olson](#) og [Guri Olsdtr](#). Husfaren, [Ola Torgrimson](#) og familien er nemnde på sidene [351](#)(Søre Øygardsbakkin), [348](#)(Trondeplassen) og [362](#)(Søre Svartehaug)

Torstein Olson vart registrert som *Dagarbejder ved Skiferbrud* ved [FT1900](#). Han har nok hatt såpass med fritid at han fekk stunder til å «sjå etter jentene». [22/10-1904](#)^[#10] gifta han seg i Stor-Elvdal krk. med **Olava Olsdtr.** Ho var uekte dotter til dagarb. ungar, [Ole Kristoffersen Bækken](#) frå Solør og *pige* [Martea Pedersdtr](#) Stai; fødd på Stai 13/8-, heimedpt 26/8-, døypt i Stor-Elvdal krk. [8/11-1885](#)^[#64], konfirmert [22/4-1900](#)^[#21]. **Olava** finn vi ved [FT1891](#), då busett på Lien gnr 12/8 i Stor-Elvdal. Her finn vi halvbroren [Johan Magnus Hansen](#) f [1/1-1879](#)^[#35] òg mor hennar, [Martea Pedersd](#), gift [16/1-1889](#)^[#1]

med [Amund Torgerson](#) f 1847 i Ringebu.(Sjå «[Ringebuslekter](#)») - Ho **Olava** budde ved [FT1900](#) på Brostuen under gnr 11/2 i Stor-Elvdal. Ho dreiv med «*Husgjerning og Kreaturstel*» hjå Harald og Helmine Messelt.

Olava og **Torstein** vart foreldre til **Olaf** ^A f Messelt 27/11-1904, dpt [22/1-1905](#)[#4], konfirmert [21/3-1920](#)[#13]. **Margot** ^B f 11/9-, dpt [4/11-1906](#)[#25], konf [13/3/1921](#)[#14]. **Borghild** ^C f 19/2-, dpt [9/4-1909](#)[#11], konf [6/3-1924](#)[#5]. **Torleif** ^D f 12/5-, dpt [1/11-1914](#)[#27], konf [10/3-1929](#)[#28]. Familien budde ved [FT1910](#) på plassen øvre Øien under gnr. 11/2 i Storelvdal.

Ho **Olava** vart ei av dei mange som døydde av [Spanskesjuka](#). Kyrkjeboka fortel at ho døydde [2/11-1918](#)[#15] og vart gravlagd ved Storelvdal krk. 8/11 s.å. DISgravminner syner at **Torstein Kolstad** døydde [5/7-1940](#).

Eg vel å tru det er **Olaf** ^A vi finn hjå DISgravminner – med dødsdato [5/10-1974](#), gravl 11/10 s.å, ved [Vang krk., Hamar](#). Han deler gravstad med **Irma Saray Kolstad** f 1/2-1906 i Berlin, død [22/9-1983](#), gravl 7/10 s.å. - **Margot** ^B døydde [8/11-1985](#) og vart gravl. på [Vestre gravlund, Oslo](#) 30/6-1986. Ho kviler i felles grav med **Johan Furuheim** (26/4-1898 – [5/3-1981](#)), gravl 9/6-1981. Det ser òg ut til at **Borghild** ^C kviler på Vestre Gravlund. Ho døydde [1/4-1976](#), gravl 28/6 s.å. Med same gravnr. finn vi **Harald Skoglund** 13/10-1905 – [18/10-1975](#), gravl 28/6-1976. - **Torleif** ^D starta ekteskap [7/6-1941](#)[#14] med **Hjørdis Messelt**, dotter til Herman Messelt og Sigrid Syrengen, f 2/7-, dpt [24/9-1916](#)[#33], konfirmert [22/3-1931](#)[#21] (sjå [Perstu](#) i «Norske gardsbruk, Hedmark fylke» 5) – DISgravminner syner at **Hjørdis** døydde [16/1-1993](#), **Torleif** ^D døydde [11/12-1993](#). Dei kviler ved Storelvdal krk.



Grdm [Torstein\(Tøstein\) Halvorson](#) og [Marit Halvorsdtr Melby](#)(Tvenge) døypte sonen **Halvor** i [Rogne krk.](#) [5/10-1881](#)[#29]. Guten var fødd 29/8 s.å. [FT1891](#) syner at familien budde på [Tvenge gnr 46/5](#) i Øystre Slidre kommune. **Halvor** hadde då syskena Marit(1876), Knut(1879), Ingebjørg(1883), Ole(1886) og Erik(1888). Attåt desse budde også moster til husfaren, [Anne Torsteinsdtr](#), her. **Halvor** vart konfirmert i Rogne krk. [31/5-1896](#)[#9].

Halvor var 19 år gamal då han vart registrert i [FT1900](#) som «*Dagarbejder ved Skiferbrud*» på Messelt i Storelvdal. Kor lang tid han arbeidde der kjenner eg ikkje til. Han laut vera komen attende til Øystre Slidre innan sumaren 1906. Gift gbr. [Ola Pederson](#) og ungd. *skiferarb.* **Halvor Torstensen** døydde [30/8-1906](#)[#6.7] «*ved ulykkestilfælde i skiferbrud*». Dei vart gravlagde/jordfesta ved Rogne krk. 4/9-1906. – Det er ikkje mange dødsfall å finne der ulykke i skiferberga var dødsårsak. Attåt dei to nemnde finn eg berre [Ole Olsen Hovi](#)(Velta) som døydde [17/12-1909](#)[#1] – etter at «*en sten falt over ham og knuste 3 ribben*».



Dei to siste skiferkarane var **Gulbrand Nilson** Rødningen ([3/10-1881](#)[#30] -1960) sjå: «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» band B, [side 293](#) - og **Kristen Olson** f [19/3-1881](#)[#12]. sjå: «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» band B, [side 294](#) Som [Halvor](#) nemnt under *takstein8* vart dei vel ikkje Østerdøler i noko lang tid.



Her har «skiferskantaren» i Valdres Skiferbrud fått selskap av eit ektepar frå USA
Kvinna på biletet hadde fleire forfedre med tilknytning til skiferteigane i området

Matea fann seg ein jarnvegsarbeidar

Han var truleg med og bygde både Valdres- og Rørosbanen. Var han [rallar](#) ?

Vi startar denne stubben der vi held oss i den førre – i Storelvdal. [30/11-1902\[#11\]](#) gifta **Matea Gudbrandsen** seg med dagarb. **Martin Haldorson**. **Matea** var då tjener på [Negaard](#).


Matea var fødd på Åseneige 7/3-, døypt i [Bagn krk. 6/4-1879\[#25\]](#). Ho var dotter til [Oline Marie Hansdtr](#) og [Gudbrand Anderson](#). Dei er nemnde i «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band [B side 518](#). **Matea** finn vi ved [FT1891](#) i [Sveinedokken](#) under Langedrag gnr 51 i Sør-Aurdal saman med foreldra og syskana [Anna Dorthea\(1876\)](#), [Anders\(1881\)](#), [Ole Andreas\(1884\)](#), [Martin\(1886\)](#), [Inger\(1890\)](#) og farmora [Dorte Arnesdtr\(1822\)](#).

[FT1900](#) for [Sveinedokken](#) syner at **Matea** budde heime hjå foreldra, saman med fem sysken. Ho hadde då dottera **Gudrun Magna** Martinsdtr f 4/4-, dpt [27/5-1900\[#9\]](#). Neste gong eg treffer på **Matea**, er då ho døyper dottera **Odvia** i Stor-Elvdal krk. [1/3-1902\[#6\]](#). Jenta var fødd på [Perstu Messelt](#) 26/12-1902 og far til jenta vart skriven *ungk. Banevogter* [Olaf Larsen Stenhaug](#) frå Lilleelvedalen f 1876.

Martin Haldorson var, iflg opplysning ved giftarmål, fødd i 1880 i [Lillherdal i Jämtland](#). **Matea** og **Martin** vart foreldre til **Kjersti** ^A f 1904, **Helga** ^B f [nørre Hjelle](#) i Aurdal 17/10-, dpt Aurdal krk. [3/12-1906\[#15\]](#), **Haldor** ^C f [Rønningen](#) i Folldal 12/10-, dpt Folldal krk. [20/10-1907\[#23\]](#), **Martine** ^D f 27/2-1909 i Jämtland, Sverige. Familien budde ved [FT1910](#) på [Småvollan](#) gnr 42/13 i Engen og Folstad krins, Støren prgj.



Postkort – Koppang stasjon Røtosbanen



Jon Johanneson Dale – i 1875 huslærer på Øvergaard, Koppang Komponist, dirrigent og sangbokutgjevar i USA

Jon Johanneson kom til verda på [nerre Dale](#) i Dælsbygden i Hegge sokn, Øystre Slidre 3/3-, døypt [30/1-1853\[#13\]](#), konfirmert i Rogne krk. [28/6-1868\[#2\]](#). Foreldra var [Johannes Nilson \(1815 – 1902\)](#) g [28/10-1841\[#8\]](#) m [Anne Jonsdtr \(1820 – 1904\)](#). Han var å finne på [Dale nedre](#) løpenr 235a ved [FT1865](#) saman med foreldra, syskena [Anne](#) og [Inгри](#), farmor [Anne](#) og ein tenestekar. Familien er nemnt på [sidene 249/250](#) i «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*».

Så har nok **Jon** teke lærarutdanning, han vart skriven *Huslærer* og *Seminarist* ved [FT1875\[#11\]](#). Då var han busett på [Øvregård](#), løpenr 53 i Stor-Elvdal prgj.

John Johannesen Dahle reiser frå Kristiania [8/6-1877](#) med reisemål New York. Han har nok vore attende i gamlelandet fleire gonger, han har Minnesota som reisemål ved utreise frå Kristiania [5/10-1900](#) – og New York då han neste gong har hatt føtene på norsk jord, Kristiania [10/8-1923](#).

Vi finn John og Johanna Dahle i [US Census 1910](#) busett i [St Paul, Minnesota](#).

John vert omtala i ein artikkel i «*Store Norske Leksikon*» og i «*Valdres: 900-årsskift 1923*» på [sidene 355-357](#). *Findagrave* fortel han døydde i [1931](#) – og at kona hans, **Johanna Sørlic Dahle**, døydde i [1913](#). Dei er gravlagde på [Oakland Cemetery](#) i St. Paul, Ramsey County i Minnesota.

Forpaktarfolk på Berg i Etnedal – seinare i Storelvdal

Giftarmålet eg var på leiting etter er ikkje registrert skanna hjå Digitalarkivet. Kyrkjeboka er vel helst å finne på kyrkjekontoret i Etnedal. - Ektefolka som vert hovudpersonar i denne stubben er Ola Ivarson og Karoline Mathiasdtr.

Karoline var dotter til husmann og fargar Mathias Anderson og Gunhild Syversdtr. Ho kom til verda i Jukamskleiven 15/2-, dpt i Bagn krk. 28/3-1869[#13], konf Bagn 20/4-1884[#20]. Ho vart registrert i Jukamskleiven lno 448a ved FT1875 saman med foreldra og fire brør. De finn meir om familien hjå «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band B, side 58.

Ola Ivarson vart notert med fødestad Øvreødegaardseie. Han (og tvillingbroren Trond) var fødde 25/9-, døypte i Bagn krk. 9/11-1873[#35], konf Bagn 8/4-1888[#12]. «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band B fortel på side 229/230 at familien budde i Milevasslien gnr 41/4. FT1875[#5] syner at **Ola** då budde i Lien(Milevasslie) løpenr 460a,461&452. Her (gnr 41/4) budde familien òg ved FT1891[#68] - Husliste (Personsedlar #1-#6), men kvar **Ola** budde ved denne teljinga har eg ikkje funne.

Framme ved FT1900 treffer vi **Karoline** og **Ola Ivarson** som ektefolk. Dei var då forpaktarar i Haug nedre gnr 132/1 i Etnedal. Panteregisterblad for eigeidomen finn de på sidene 503&504. «*Gard og bygd i Etnedal*» band C har omtale på sidene 218-220. - FT1910 plasserer familien som paktarar i Haug øvre gnr 133/1. Omtale i bygdeboka på side 189 og utetter.

Karoline og **Ola** vart foreldre til: **Sigrid** A f 24/10-1897, **Gunhild** B f 22/3-1899, **Martha** C f 11/11-1901, **Ivar** D f 25/6-1905, **Mathias** E f 15/1-1908, **Anna** F f 7/2-1911. (Datoar er teke frå FT1910).

Mykje tyder på at familien, som nytta **Berg** som slektsnamn, kom til Stor-Elvdal om lag 1924-1925. Dei budde på S. Messelt (Søstu?) då dottera **Anna** E vart konfirmert, 26/6-1926[#24].

Iflg. DISgravminner døydde **Karoline Berg** 25/11-1948. **Ole I Berg** døydde 18/6-1961.

Gunhild B Berg døydde i barselheber på Messelt 4/1-1931[#2]. Ho vart gravlagd ved Stor-Elvdal krk. 16/1 s.å.

Martha C vart gift 27/2-1932[#3] med forvaltar **Johannes Gimse**, son til Knut Pederson og Johanne Johannesdtr. **Johannes** var fødd på LilleMæhlum i Ringsaker 13/2-, dpt i Veldre krk 21/3-1886[#9], konfirmert Veldre 30/9-1900[#29]. Han var ved FT1900 busett må Mælum lille gnr 78/4 i Ringsaker. Yrket hans var dagarbeidar, sysselsett med snikkararbeid og sagskur. DISgravminner fortel at **Johannes** døydde 24/12-1970. **Martha** C døydde 17/5-1985.

Ivar D **O Berg** gav ja-ord i Storelvdal krk. 31/12-1931[#8]. Jenta som då vart kona hans heitte **Ragnhild Johanne Johansen**, fødd på Trønnes 25/9-1902, dpt Stor-Elvdal 11/1-1903[#3], konfirmert Stor-Elvdal 17/3-1918[#26]. Foreldra hennar var møllar **Magnus Olav Johansen** og **Beate Halvorsen**. Ved FT1910 budde familien i Stampestuen under gnr 17/1 i Stor-Elvdal. Hjå DISgravminner finn vi at **Ivar** D døydde 2/5-1990 og **Ragnhild Johanne** døydde 1/12-1990. Dei kviler ved Stor-Elvdal krk.

Margit Nyheim vart kona til **Mathias** E **Berg**. Dei gifta seg i Stor-Elvdal 7/11-1936[#10]. Foreldra til **Margit** var **Ola Landøimoen** og **Marie Olafsdtr Treseng**. Ho **Margit** var fødd på Trønnes 4/3-, dpt Stor-Elvdal 4/4-1912[#9], konf Stor-Elvdal 18/3-1928[#4]. **Margit** døydde 14/1-1994, **Mathias** E døydde 17/3-1998. Dei vart gravlagde ved Stor-Elvdal krk.

Skogsarb. **Anders Stensrud** vart ektemaken til **Anna** F. Han var son til skogsarbeidar **Ole Andreassen** og **Marie Helgesen**, f 29/4- på Imsnær(Stai), dpt 9/6-1907[#22] og konfirmert 19/3-1922[#1]. **Anders** døydde 11/10-1966, **Anna** døydde 26/6-1976. Tilliks med alle ovanfor nemnte kviler dei ved Stor-Elvdal krk.



Foto frå Storelvdal

Så flytter vi oss sørover til grannekommunen – vi reiser medstraums i Glåma – til Åmot

Soknepresten i Åmot

Vi har så vidt vore innom Eivind Vinningstad i stubben «[Kyrkjesongaren og organisten](#)». No får vi «gå han [nærane inn på livet](#)». Han var den sjuande guten og den 11. i barneflokket til [Guri Olsdtr og Ola Olson](#) på [nerre Veningstad](#) i Volbu. Familien er nemnt på [side 33](#) i band B «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*».

Eivind kom til verda 24/1, dpt i Volbu krk. [29/1-1837](#)[#5]. Namnet arva han truleg frå tippoldefaren; Eivind Torgeirson. Dette førenamnet går att i både Veningstad- og Reie-slektene. Kvar og når han vart konfirmert- det har eg ikkje funne. Men ved [FT1865](#) hadde han bustad i «*de Militære Værksteder Festningen*»([Akershus festning](#)). **Eivind** var då «*Studiosus theologiæ*». «*Norges gejstlighed*» skriv på [side 64](#) at **Even Olsen Vindingstad** vart [cand. theol](#) i 1867.

Han var [kapellan](#) i [Nøtterøy prestegjeld](#) då han gifta seg med *jomfru* **Kirstine Christensen** i [Sandar krk. 26/7-1869](#)[#28]. Jomfrua var dotter til skipsreiar [Søren Lorentz Christensen\(1810-1862](#)[#67]) og [Otilia Juliane Kruge f 1820](#)[#34]. Dette ekteparet finn de i ein [GENIprofil](#). Ho var f i Sandefjord 13/2-, dpt i Sandar prgj [24/7-1844](#)[#72] og konfirmert [9/10-1859](#)[#2]. Ho budde ved [FT1865](#) saman med mor si(enkje), brørne [Christen](#)(fuldmæktig), [Thorvald](#)(Jordbruger) og systera [Maria](#). I hushaldet var det vidare ein *handelsbetient*, ei *huusjomfrue*, to tenestjenter og ein tenestegut. Norsk Biografisk leksikon har ein [artikkel om Christen](#), veslebror til **Kirstine**. Han vert òg nemnt i ein [artikkel i Sandefjords Blad](#) i 2012.

Framme ved [FT1875](#) finn vi Vindingstad-familien busett på [Øen](#), løpenr 80 i [Hitra prgj](#). **Eivind** vart i 1871 res.kap. i Hitra(*Hitteren*) prgj. Han vart sokneprest i Hitra i 1877.



Dolm kyrkje og prestegard ([DigitaltMuseum](#))

Kirstine og **Eivind** vart foreldre til: **Otelie** ^A f Eljestad, Nøtterøy 14/7-, dpt Nøtterøy [26/4-1870](#)[#40], konfirmert Dolm sokn [26/9-1886](#)[#1]. **Ole Theodor** ^B f 6/5-, dpt [Dolm krk. 15/7-1872](#)[#150], konf Åmot krk. [16/10-1887](#)[#1]. **Alf** ^C f 25/1-, dpt Dolm [11/3-1874](#)[#3], konf Åmot [6/10-1889](#)[#2]. **Johannes** ^D f 29/8-, dpt Dolm [28/12-1876](#)[#41], konf Åmot [2/10-1892](#)[#29]. **Marie** ^E f 6/9-, dpt Dolm [16/10-1879](#)[#22], konf Åmot [6/10-1895](#)[#21]. **Gudrun** ^F f 27/4-, dpt Dolm [19/7-1882](#)[#14], konfirmert Åmot [2/10-1898](#)[#21]. **Helga** ^G f 8/8-, dpt Dolm [11/9-1884](#)[#27], konfirmert Åmot [30/9-1900](#)[#2]. **Tora** ^H f 23/7-dpt Åmot [16/10-1887](#)[#34], konf Åmot [9/10-1904](#)[#2].

Prestefamilien flytta iflg. «*Norges gejstlighed*» frå Hitra til Åmot i Østerdalen i 1886. Dei var å finne på [Aamots prestegaard](#) gnr 9/1 ved [FT1891](#)[#1-10]. Her finn vi òg *Husbonskarl*, *Gaardsarbeider*, *Budeie*, *Underbudeie*, *Barnepige*, *Tjenestepige alm.arb.* samt *Huslærer* Ole Rise f [13/5-1851](#)[#20] i [Hjørunfjord](#). «*Sunnmøringer og tomflasker finner en overalt*» var ei utsegn Kjell Aukrust la i munnen på ei vaskekone «*etter NRKs julebord*».



Åmot Prestegard ([digitaltmuuseum](#) – Foto Martha Alme (1881-1967))



[Bogstadveien 43](#), Kristiania kjøpstad var adresse for **Kristine** og **Eivind** ved [FT1910](#). Husfaren var då «*Pensioneret Prest*».

Dottera **Helga** ^G f var då «*Midlertidig Mønster-tegnerske i den Norske Husflid*». Systera **Tora** ^H var heimeverande. I husstanden var og *tjener* Hedvig Elise Jacobsen f 1888 i Glemminge.

[Majorstuveien 16](#) var adressa til **Even Olsen Windingstad** då han døydde, [7/4-1916](#)^[#25]. Han vart gravlagd på Vestre gravlund 13/4 s.å. Dødsårsak vart notert som: *Arteriosclerosis Hypertrophica prostatae*. «*Begravede i Oslo*» fortel at Kristine Vinningstad vart lagt til kvile på [Vestre gravlund 1937](#). Han vert omtala på [side 487](#) i «*Åmot bygdebok 3*»

Alf ^C er vi innom i stubben [Prest,Prost.](#) – han reiste [til USA i 1895](#).

Marie ^E budde ved [FT1900](#) i Parkveien 15 i Kristiania. Ho var då «*Artiumselev, forsørget av prest*». Ho gifta seg [17/12-1910](#)^[#0 -2.ovanfrå] i [sjømannskyrkja i Brooklyn](#), New York USA med fråskild ingeniør **Aage Lindboe**. Han var son til læge/sanitetskaptein **Oskar Vilhelm Lindboe** og **Marie Henrieth Sophie Jessen**, f Horten 2/3-, dpt [Borre krk. 11/5-1879](#)^[#38], konf Horten krk. [1/4-1894](#)^[#1]. Ved [FT1885](#) for Horten ladested budde familien i øvre Keisermark. **Aage** hadde då tre brør og tre systre. Han reiste [8/9-1904](#) frå Kristiania til New York. **Aage** er med i ein [GENIprofil](#). Han er òg registrert i databasen [ofstad.info](#). Eit [spørsmål hjå DISslektsforum](#) synte at han 1898-1900 var «*Sjø-kadet ved Sjøkrigsskolen*»

Marie ^E og **Aage Lindboe** vart foreldre til m.a. **Aage Wilhelm Oscar** ^{E1} **Lindboe** f Sorgefrigt 36, Kristiania 18/5-, dpt i [Fagerborg krk. 29/12-1912](#)^[#110]. [WikiStrinda](#) har fleire opplysningar om han. **Helga Ragnhild Lindboe** ^{E2} var f 3/8-1914. Ministerialbok A29 for Kristiansand fortel at ho var fødd i Meløy, var heimeverande ugift student med bustad [Frydenlundv 15](#), då ho vart «*funnet druknet i sjøen*» [23/1-1934](#)^[#7]. Ho vart gravlagd på Kristiansand gravlund 30/1 s.å. – Sonen **Helge** ^{E3} var f 25/4-1917. Han mista livet i tysk krigsfangenskap [8/5-1944](#). Han har fått omtale på nettstaden «*Sjømennenes Minnehall*». Under [same gravstein](#) kviler Ruth Lindboe f Risnes (11/3-1925 – 23/5-1995) og **Marie** ^E **Lindboe** f Vindingstad (6/9-1879 – 1/11-1956).

Gudrun ^E finn vi i [FT1910](#) på [Bjølstad](#), gnr 22 i Kråkerøy - som kona til **Gregers Irniss Schûbeler**, *kontorchef ved trælastforreytning*. Han var fødd på [Trara](#) i Glemmen 25/5-, dpt i Glemmen krk. [10/7-1881](#)^[#87]. Foreldra var *mægler* **Lauritz Christian Schûbeler** og **Hanna** f **Irniss**. Vi finn familien med bustad «*Solstraale pr Trara*» nr. 8 ved [FT1900](#). **Gregers** hadde då syskena Elisabeth Marie f 1879, John William f 1884 og Ludvig Christian f 1890. Vi finn eit foto av **Gregers Irniss** hjå [Digitalmuseum](#).

Gregers og **Gudrun** ^E fekk sonen **Gregers Frederick** ^{E1} f 1907. Det er vel han som iflg. DIS-gravminner var f 13/10-1907 og døydde [21/2-1995](#). Med same gravnummer finn vi foreldra. **Gregers Irniss** vart gravlagd [18/5-1933](#) medan **Gudrun** ^E døydde [7/10-1970](#), gravlagd på [Vestre gravlund, Oslo](#) 28/5-1971.

Helga ^G gifta seg i Uranienborg krk. [15/11-1921](#)^[#88] med **Infanteri**kaptein **Mikkel Snarud**. Han var f på [Snarud](#) i Furnes 9/4-, dpt i [Furnes krk. 2/5-1886](#)^[#24]. Ved [FT1900](#) finn vi han saman med foreldra; **Lars Anderson** og **Eli Mikkelsdtr** og systrene Agnette og Marie på Snarud gnr 316/1 i [Furnes kommune](#). Ved [FT1910](#) var han **Premierløytnant** med tilhald i [øvre Gjellegate](#) 140 i Skien. [Lokalhistoriewiki](#) fortel at **Helga** ^G var utdanna ved [Statens kunst- og industriskule](#) i Kristiania. Ho døydde 1949, gravl. 10/5 s.å. **Mikkel** døydde 1980, gravl 30/6 s.å. – Ektefolka kviler på [Furnes kyrkje](#)gard i Ringsaker.



Ein [GENIprofil](#) fortel at **Tora** ^H vart gift med **Thor Mejdell**, son til **Glør Thorvald Mejdell** og **Thora Catarina Sinding**. **Thor** var f 24/5- i [professor Dahls gate 18](#) i Kristiania, døypt i Uranienborg krk. [17/6-1887](#)^[#46]. Han budde ved [FT1900](#) i [Uranienborgveien 23](#) saman med foreldra, ein bror, fem systre og tenestjenta Inger Gulbrandsen frå Fredrikstad.

DIS gravminner syner at **Tora** ^H døydde 1967, gravl. 12/10-1967. **Thor Mejdell** døydde 1975, gravl. 30/9-1975. Dei er gravlagde på [Haslum kyrkje](#)gard i Bærum.



Landhandlar på Rena

To av syskena hans kom òg til Åmot prestegjeld

Vi startar denne stubben i [Hamar Domkyrkje 28. august 1912\[#48\]](#). Brureparet som no går inn i ekteskap er **Marianne Dorthea Lihaug** frå Bø i Vesterålen og **Erik Ulrikson Owrenn** frå Østre Toten. Lat meg snøgt leggje til – han **Erik** var Valdris. Han var fødd på [Røvling](#) i Nord-Aurdal prgj. 3.dag jul 1875 og døypt i [Aurdal kyrkje 20/2-1876\[#13\]](#). Foreldra hans var [Ulrik Erikson\(1845-1917\)](#) g [Hoff krk, 2/4-1875\[#9\]](#) med [Siri Johannesdtr\(1852-\)](#). [Siri](#) var Totning, fødd på [Overn\(Ovren\)](#) i Hoff sokn i Østre Toten. [Siri](#) og [Ulrik](#) budde på [nerreRøvling](#) lno 338a ved [FT1875](#). Familien kom til Toten ikr. 1880. [Ulrik](#) fekk [skjøte på Ovren østre](#), gnr 201 bnr 5 frå Ole Olsen- dagbokført 15.mai 1886. Vi finn [Ulrik](#) og [Sigrid](#) samt borna [Erik](#), [Sigrid](#), [Johan](#), [Otto](#) og [Ulrik Sverdrup](#) busette på Overn østre gnr 201/5 i Østre Toten ved [FT1891](#). Her budde òg ein tenestegut, Martin Nilsen f 1859 i Ø Toten.

Foreldra hennar **Marianne Dorthea** var òg fødde langt frå kvarandre, ja – mykje lengre enn mellom Valdres og Toten. Far hennar, [Otto Lasseson\(sjå Mass og Lasse\)](#) var frå [Lihaug i Gulen](#) i ytre Sogn, mora, [Johanne Marianne Krane](#), frå [Føre i Bø i Vesterålen](#) (hennar far var frå Bodø). **Marianne Dorthea** kom til verda i Bø 3/1-, dpt Bø prgj. [13/4-1890\[#5\]](#). Eg finn ikkje konfirmasjonen hennar, men ein merknad i samband med ekteskapet fortel at ho då var «[Dissenter utan kirkesamf](#)». Ho var registrert på garden [Viken.gnr 17/3 i Bø](#) både ved [FT1900](#) og [FT1910](#).

Ved [FT1900](#) var **Erik Owrenn** ungkar og [Fuld-mægtig\(Fullmektig\)](#) hjå landhandlar Otto Baanrud på Thorsbø i Elverum. Landhandlaren var, ti år seinare, disponert i [Norsk Kaffeforretning](#) og busett i hovudstaden. Framme ved [FT1910](#) finn vi **Erik** som [kjøbmand](#) på Furu-lund, Rena [gnr. 8/27 i Åmot](#) kommune. Ut frå panteregister-opplysningane for [gnr 8/27\(2\)](#) ser det ikkje ut for at **Erik** har vore eigar. - Om nokon spør kva slag transportmiddel **Erik** nytta for å koma til Rena, kan ein vel helst rekna med at han korkje kom [på ski](#) eller [i ryggsekk](#).



Marianne Dorthea og **Erik** var foreldre til: **Ursula** ^A f 20/8-1913, dpt [Åmot krk. 22/3-1914\[#4\]](#), konfirmert [29/9-1929\[#29\]](#) (litt av ein 29 9 talkombinasjon!) – **Otto Johan** ^B f 25/11-1914, dpt Åmot [21/3-1915\[#5\]](#), konf Åmot [21/9-1930\[#5\]](#). **Svein Erik** ^C f Sandbak 1/9-, dpt Åmot [18/11-1917\[#43\]](#), konfirm. Åmot [1/10-1933\[#60\]](#). **Johanne Elisabet** ^D f 31/7-, dpt Åmot [26/10-1919\[#32\]](#) og **Bjørn** ^E f Sandbak 4/6-, dpt Åmot [17/9-1922\[#42\]](#).

Frå DISgravminner kjem opplysningar om at **Erik Owrenn** døydd i [1953](#) medan **Marianne Dorthea** døydd i [1965](#).

Ein [GENIprofil](#) fortel at **Ursula** ^A vart gift med **Johan Nafstad** frå Stange. Han var f 18/2-, dpt i Stange krk. [5/5-1912\[#15\]](#), død [15/6-1988](#). **Ursula** døydd [12/8-2007](#)(GENI). Frå DISgravminner finn vi at **Otto Johan** ^B døydd i 1922, han deler gravstein ved Åmot krk. med **Berthe Gunhild** f Sønsthagen([29/7-1916\[#33\]](#) -1999) . Ho var dotter til gbr. [Petter Marius Sønsthagen](#) og [Dagny f Bøhn](#). Databasen «[Vestraat.net](#)» - som verkar svært profesjonell, fortel at **Svein Erik** ^C gifta seg med [May Astrid Lindberg](#).(sjå òg [info hjå Ancestry](#)). Hjå DISgravminner finn vi at **Johanne Elisabet Owrenn Karlsen** ^D kviler på Nittedal kyrkjegard. Ho døydd [2/9-2007](#), gravl 23/10 s.å. Under same gravstein ligg

Arne Henry Karlsen (29/3-1914 – 9/8-1974). Frå DISgravminner finn vi òg at **Bjørn** ^E Owrenn døydde [14/4-1953](#), gravl [Borgestad kyrkjegard](#) i Skien 5/6-1956.

I fall nokon er innom denne [GENIprofilen](#) (Erik Owrenn) vil de sjå at her er det lite som liknar dei opplysningane om foreldra hans eg har kome med ovanfor. Her vert det òg lista opp mange «treff» hjå [My Heritage](#). Eg har i andre stubbar nemnt at ein bør vera forsiktig med å tru alt ein vert servert, sjølv om det kjem i profesjonell innpakking, Les gjerne nettsida «[Plutselig eier du ikke slektstreet ditt!](#)» Lat meg også vise til Wikipediaartikkelen om «[GENI](#)».


Sigrid Ulriksdtr fann òg vegen til Rena

Tilliks med storebror Erik vart **Sigrid** fødd på Røvling. Fødselsdato var 17/7- og ho vart døypt i Aurdal krk. [7/10-1877](#)^[#39], konf [Balke krk. 24/4-1892](#)^[#33]. [FT1891](#) syner henne på Overn østre gnr 201/1 i Olstad teljekrins, Østre Toten medan [FT1900](#) fortel at bustaden då var Overn vestre gnr 201/1 i same kommune. Ved [FT1910](#) var ho *tjener* hjå storebror Erik på Furulund gnr 8/27 på Rena i Åmot.


Her har nok kome ein friar. [28/3-1912](#)^[#5] gifta **Sigrid Ulriksdtr** seg i Hoff krk., Østre Toten med *mekaniker* Martin Haakensen Skramstad, son til Håkon Knutson Skramstad og Berte Haldorsdtr, f nedre Skramstad 5/6-, dpt Åmot krk. [7/9-1884](#)^[#34], konf Åmot [30/9-1900](#)^[#12]. **Martin** var å finne på Skramstad gnr 14/1 ([Skramstad nestu](#)) både ved [FT1891](#), [FT1900](#) og [FT1910](#). Han vert nemnt på [side 394](#) i «Åmot bygdebok 1: Garder og slekter».

Martin og **Sigrid** fekk dottera **Berta**, f Ø Toten 18/4-, dpt Balke krk [26/5-1912](#)^[#14], konfirmert Åmot krk. [2/10-1927](#)^[#9].

Sigrid Ulriksdtr døydde av [Hjærtelammelse](#) på Bæk i Åmot [18/12-1917](#)^[#17]. Ho vart gravlagd og jordfesta ved Åmot krk. 4/1-1918. DISgravminner syner at **Martin Skramstad** døydde [12/5-1970](#). Under same gravstein kviler dottera **Berta Hagen**, død [31/12-1987](#) og ektemannen hennar, **Hans Hagen**, død [16/1-1987](#). Han var son til kjøpmann Hans Hagen, fødd i Romedal ([1884-1952](#)) og Olga Amalie Vethal fødd i Ullensaker([1881-1962](#))



Veslebror til landhandlaren var bakar - han kom òg til Rena



Ulrik Sverdrup Owrenn var nummer ni i ungeflokken til Ulrik Erikson og Sigrid Johannesdtr. Han var fødd på Overn 17/2-, dpt i Hoff krk. [4/5-1890](#)^[#18], konfirmert Balke krk. [2/10-1904](#)^[#11]. Han er å finne på [Overn østre gnr 201/5](#) i Østre Toten både ved [FT1891](#) og [FT1900](#). Framme ved [FT1910](#) er han *bakar* og har tilhald på [Bilitt \(om namnet\)](#) gnr 71/12 hjå landhandlar [Harald Syverson Espelien](#)^[#16] frå Etnedal. På same adresse finn vi storesyster til Harald, Gjertrud Syversdtr Espelien^[#33] og *dyrlæge* Ole Engebretson Onstad^[#63] frå Øystre Slidre.

Ulrik har nok teke med seg bakeutstyret og reist i veg til syskena sine i Åmot. Her fann han seg «*kjeringemne*», og starta ekteskap med **Martha Ingeborg Johansen** i Åmot krk. [4/3-1916](#)^[#2]. Ho var dotter til dagarbeidar Gotmer Johanson og Karen Svensdtr, f_Nyveien 5/10-, dpt Åmot [18/1-1894](#)^[#30], konfirmert Åmot [3/10-1909](#)^[#6]. Familien var ved [FT1900](#) forpaktarfolk på Alme, gnr 31/1 i Åmot. Her vart ho skriven **Ingeborg**. Ved [FT1910](#) var Gotmar «*Driftsbestyrer for privatmands skog*» med bustad Hageløkken [gnr 10/8 i Åmot](#) (Dette uvanlege førenamnet finn ein berre i Elverum & Åmot ved [FT1910](#)).

Martha Ingeborg og **Ulrik Sverdrup Owrenn** vart foreldre til: **Hildur** ^A f Rena 24/6-, dpt Åmot krk. [27/8-1916](#)^[#30], konf [Nordre Osen 11/10-1931](#)^[#4]. **Sigrid** ^B f Thune, Rena 9/5-, dpt Åmot [15/9-1918](#)^[#24], konf N Osen [24/9-1933](#)^[#15]. **Petter Ulrik** ^C f Tune 14/9-, dpt Åmot [23/11-1919](#)^[#52], konf N Osen [23/9-1934](#)^[#11] og **Karen Gunhild** ^D f Tune 4/9-, dpt Åmot [27/11-1921](#)^[#42].

Hjå DISgravminner er **Martha Ingeborg** notert med dødsdato [24/1-1972](#) og **Ulrik Sverdrup** [25/4-1991](#). **Petter Ulrik** ^C døydde [25/4-1991](#). Same gravminne har **Nelly Owrenn**, død [16/1-1991](#). Eg reknar med at ho var dotter til Elise Arnesdtr og vegvaktar Erling Odden, f [Sandneset](#) 1/10-, dpt Nordre Osen [6/11-1921](#)^[#10]. **Sigrid** ^B døydde 13/5-1997, gravl 19/6 s.å. på [Slagen kyrkjegard](#). Ho deler gravstein med **Albert Rennedal** (30/12-1919 – 11/9-2000).

Lærarkona frå Røsslend

Vi er i Åmot kyrkje på Rena i Østerdalen. Datoen er 17. september og året er 1916. Brureparet som vart smidde i «[Hymens lekkjer](#)» [denne dagen](#)^[#12] var **Ingrid Knutsdtr Rudi** og folkeskulelærer **Olav Nilson Vika**.

Ingrid var dotter til gardfolka **Knut Olson** og **Ingrid Johannesdtr**, f Rudi 3/9-, dpt [Rogne kyrkje 25/10-1891](#)^[#13], konfirmert [10/6-1906](#)^[#12]. «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» band B, plasserer på [side 406](#) familien på [Bjørnstad gnr 51/8](#) i Rogne sokn. [FT1891](#) syner **Knut** og **Ingrid** samt borna [Ola](#)(1880), [Marit](#)(1883), [Ragnhild](#)(1885) og [Guri](#)(1888). Dei hadde same 'adresse' både ved [FT1900](#) og [FT1910](#). - **Olav Nilson Vika** var son til klokkar og lærar **Dorthinius Nilson** og **Ingeborg Johannesdtr**. Han var f 31/7-, dpt i [Nordre Osen krk. 2/10-1880](#)^[#10], konf Nordre Osen [27/9-1896](#)^[#1]. Viken gnr 73/2 var adressa til familien ved [FT1891](#), Ved [FT1900](#) var **Olav Underofficerselev** ved [Fæstningen i Fredrikstad](#), Framme ved [FT1910](#) var han «*Lærer i kommunens tjeneste*», busett på [Åsheim gnr 7/2](#) i Aas-Akre teljkrins, Ytre Rendal kommune. Læraren og familien hans finn de meir om på [side 452](#) i «*Osen bygdebok*». Eg har ein mistanke om at **Olav N Vika** var forfattar av hernemnde bygdebok.

[Ein GENIprofil](#) fortel at **Ingrid** og **Olav** var foreldre til **Ingrid Rudi Werner**. Geneanet.org sin database «*Anmeldte dødsfall -Oslo Byfogdembete*» syner at ho var fødd 25/5-1920 og døydd 4/1-2008. Hjø GENI vert det opplyst at ho var gift med [Hans Christian Werner](#). Mykje tyder på at han var fødd i Løkkegaten i Holmestrand 5/2-, dpt [Holmestrand krk. 16/5-1915](#)^[#8]. DISgravminner fortel at han døydde [5/10-1996](#), gravlagd på Vår Frelsers gravlund 4/11 s.å.

Jordmora i Åmot kom frå Vang i Valdres

Gardbrukarparet på [Amundstad](#) i Åmot i 1894, **Anton Erikson** [Næss] ([15/4-1855](#)^[#71] – [30/8-1932](#)^[#17]) og **Juline Johannesdtr** [Lilleløkken] ([1/1-1864](#)^[#36] – [30/10-1944](#)) på [Amundstad](#) gjekk inn i ekteskap i [Åmot krk. 10/2-1893](#)^[#1]. Dei vart foreldre til **Erling** ([12/12-1892](#)^[#6] – [6/1-1950](#)) og **John** f Amundstad 22/3-, dpt Åmot krk. [3/5-1894](#)^[#12], konf Åmot [3/10-1909](#)^[#5]. Familien vert omtala i «*Åmot bygdebok 2: Garder og slekter*» på [side 557](#). Dei vart både ved [FT1900](#) og [FT1910](#) registrert på Amundstad gnr 45/1 i Åmot kommune.

I [nørre Kungslin](#) i Liagarø i Vang sokn, Vang i Valdres vart gardbrukarparet, **Andris Olson** og **Ingebjørg Kristoffersdtr**, foreldre til ei jente 3/1-1900. Jenta fekk, i [Vang krk.](#), namnet **Ragnhild** [1/4-1900](#)^[#3]. Ho vart konfirmert i Vang krk. [7/6-1914](#)^[#16]. Ho er både ved [FT1900](#) og [FT1910](#) busett i [Kongslin gnr. 82/1](#) i Vang kommune. Ho vert nemnt på [side 439](#) i «*Gardar og slekter i Vang*», band B.

Då **Ragnhild** gifta seg [12/10-1926](#)^[#37] med handelsbestyrer **John Antonsen Næss** vart det notert at ho var jordmor i Åmot. Forlovarane var gbr **Erling A Næss** og lærar **G Opdal**(sjå neste stubb), båe med adresse Deset. Ein liten tabell vedk. jordmødre [finn de her](#).

Ragnhild og **John** fekk sonen **Arne** f [22/6-1930](#). Han vart sivilagronom ved [NLH](#) 1957. Hjø DISgravminner finn vi at **Jon Næss** døydde [23/11-1972](#), **Ragnhild** døydde [6/2-1976](#).

Amundstad
Gnr. 45, bnr. 1. Postadr. Rena.
Sk.mk. 5,24. D. jord 120 daa (sand og morene), annet jbr.areal 15 daa, prod. skog 1750 daa. – Våningshus bygd 1801, loftbyggn. ca. 1860, fjøs og stall 1900, låve. – Nysetra. – 2 hester, 10 kyr, 1 okse, 2 kviger, 2 griser, 5 sauer, 10 høns. – Bestefar til eieren kjøpte garden 1851. Jordfunn fra steinalderen, nå på Glomdalsmuseet.
Eier: Erling Næss, f. 12/12 1892, sønn av Anton Næss og Juline, f. Lilleløkken.



Amundstad
Gnr. 45, bnr. 1. P. adr. 2450 Rena.
Tlf. 174.

D. jord 120 da (sand og morene), annet jbr.areal 15 da, prod. skog 2000 da. – Våningshus bygd 1960, stabbur 1961, uthus m. kornlager, verksted, garasjer, vedskjul og boder 1961, gml. låve. Gammelsetra og Nysetra. – Flere sikogabilveier. – Garden har vært i setten fra 11/10 1851, da oldefar Erik Næss kjøpte den av Tollef Pedersen Ilsaas. Eieren tok over garden 1964 etter faren. – Brenna Grus- og Sandtak. Jordfunn fra steinalderen. Husdyrløst jordbruk fra 1948.
Eier: Sivilagronom Arne Næss f. 1930 – sønn av Jon Næss og Ragnhild f. Kongslin, fra Vang i Valdres.

Henta frå «*Norske gardsbruk – Hedmark fylke*» [bd. 1, side 109](#) og [bd. 5, side 90](#)

Læraren i Deset skulekrins var Vangsgjelding


Martin Peterson og Oline Olsdtr frå Åsrønningen i Vang, Hedmark hadde med eit lite jentebarn til Vang krk. 30/5-1897^[#31]. Jenta, som var fødd 22/1- og heimedpt 12/2-1897 med namnet **Inga** fekk då stadfesta namnet med kyrkjedåp. **Inga** vart konfirmert i Vang krk. 4/4-1912^[#14]. Vi finn henne saman med foreldra og to sysken ved FT1900, busett på Aasrødningen gnr 124/3 i Vang,H – ti år etter, ved FT1910 var ho busett i Skrædderstuen gnr 155/7, Østaasen teljegrins i Vang,H. saman med mor si og syskena Ole og Anna. **Inga** vart konfirmert i Vang krk. 14/4-1912^[#14].

Gudbrand Gudbrandson og Ingebjørg Torsteinsdtr frå Updal i Øye sokn i Vang prgj. i Valdres døypte ein gut i Øye kyrkje 13/6-1880^[#4]. Han fekk namnet **Gudbrand** etter farfaren. Vesle **Gudbrand** var fødd 2/4-1880. Han vart konfirmert i Øye kyrkje 6/5-1894^[#3]. Familien budde på Opdal gnr 2/4 i Vang ved FT1891. Ved FT1900 finn vi **Gudbrand** som Seminarelev i Elverum. Han budde då på Nordlie gnr 31/35 i Elverum; saman med Anders Dahle f 1879 frå Øystre Slidre. Vertsfolk var Oline Bjølseth- f 1833 Åsnes i Solør og dottera Oline Marie f 1878 i Elverum. - Framme ved FT1910 var han attende i Opdal i Øye, no som lærar. **Gudbrand** vert nemnt i «*Gardar og slekter i Vang*» band A, side 71.

20/8-1921^[#63] gifta **Inga Rønning** (*husholderske i Åmot*) seg med **Gudbrand Opdal** (*lærer ved folkeskolen i Åmot*). Dei vart foreldre til **Ingebjørg** f 28/4-, dpt Deset kapell, Åmot 25/5-1922^[#3] og **Gudbrand** f 26/7-, dpt Deset kpl. 9/9-1923^[#3]. Fotografiet nedanfor er henta hjå Digitalmuseum Glomdalsmuseet.



Lærer på Deset 1923-1939 **Gudbrand Opdal**, Valdres, d.22.11.1939 og kona **Inga (Rønning)** frå Elverum 22.01.1897 - 27.09.1985. Her saman med borna **Ingebjørg** og **Gudbrand** som vart busett i Sverige. **Inga**, som ungjente, «kjørte lass» fra Elverum til Trysil med ein kvit hest.



Det kom ei jordmor til - frå Vang i Valdres til Åmot

[28/8-1928](#)^[#2] var datoen som vart skriven i klokkarboka for Nordre Osen sokn i Åmot prgj. i samband med giftarmålet til jordmor i Osen, **Ingeborg Skjefte** og bygningsnikkar **Olav Augustson Engemoen**.

Olav kom til verda på [Enaasen](#) 16/12-1898 og vart døypt i [Nordre Osen krk. 12/3-1899](#)^[#5], konf Nordre Osen [28/9-1913](#)^[#8]. Foreldra hans var [August Jenson Berget](#) og [Oline \(Oleanna\) Johnsdtr.](#) Olav(Olaf) vart notert med bustad [Engemoen gnr 75/1](#) i Åmot både ved [FT1900](#) og [FT1910](#). I 1905 var **Olav** og mor hans losjerande (mor hans skriven «*Tjenestepige*»). **Olav** vart skriven «*Tjenestegut*» i 1910-teljinga. Far hans var då «*Leieboer; Tømmerhugger, fløter og snedker*»: Mora dreiv med «*Husstel, syning*» og **Olav** var då storebror til [Helga Pernille](#) f 4/3-, dpt [2/6-1907](#)^[#5].

Ingeborg(Ingebjørg) var dotter til gardbrukar [Anders\(Andris\) Toreson](#) og [Berit Kristoffersdtr](#) på Skjefte, dei hadde gifta seg i [Høre stavkrk. 10/6-1887](#)^[#3]. **Ingebjørg** var fødd på [Skjefte](#) 22/12-1899, heimedpt 27/12-1899 og stadfesta med kyrkjedåp i Høre [29/4-1900](#)^[#3] (2.sundag etter påske). Her vart ho òg konfirmert, [7/6-1914](#)^[5]. Vi finn henne ved [FT1900](#) og [FT1910](#) på Skjefte gnr 108/1 i Vang kommune(i Valdres). «*Gardar og slekter i Vang*» band C, [side 399](#) syner at **Ingebjørg** hadde mange sysken. - Vi får endåtil ein opplysning om at **Ingebjørg** og **Olav** hadde sonen **Bjørn Arvid** f 20/2-, dpt Nordre Osen [20/5-1929](#)^[#5] hadde hytte på Husmannsbakka.

Tenestedreng hjå dr. Ole Paus

Ved [FT1865](#) for [Nordstu Koppang](#), løpenr 60a i Åmot prgj. ([Stor-Elvdal sokn](#)) finn vi **Jakob Olsen** f ikr. 1823 i N Aurdal som *tjenestedreng*. Eg vel å tru at dette var **Jakob Olson**, son til gardfolk [Ola Jakobson](#) og kona [Ragnhild Bjørnsdotter](#) på [Granumseje](#). **Jakob** var fødd 16/8- og han vart døypt i [Ulness kyrkje 2/10-1825](#)^[#55]. Vi finn han som konfirmant i [Svenes kyrkje 28/6-1840](#)^[#25]. Han er nemnt i «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*» band C, side 330 som den femte av sju i barneflokket til [Ola Jakobson](#) og [Ragnhild Bjørnsdtr](#) på plassen Nørre Brøtin under [nørre Granej](#) i Ulness sokn, Nord-Aurdal prgj.

Eg har ikkje funne fleire opplysningar om **Jakob**. Lat meg til sist leggje til at [Ole Paus](#) var lækjar, fødd i Elverum 26/12-1830, dpt [24/5-1831](#)^[#56], død Sandar, Vestfold [7/1-1897](#)^[#6] – enkjemann med notert bustad Uranienborg. Nettsider: [Slektshistorie](#) - [GENIprofil](#).

Sigrid frå Køldokken vart gardkone i Osen

«*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band B, fortel på [side 404](#) at **Martin Erikson** g familien hans i 1907 «*reiste utover og kjøpte gard ein stad*». Meir upresist er det vel vanskeleg «å få sagt det» ! Eg kan vel lette på sløret og nemne at dei kom til Veldre sokn i Ringsaker. Om dei *kjøpte* gard [er usikkert](#). Ein [GENIprofil](#) har mange opplysningar om **Martin, Gjertrud** og etterslekta deira.

Yngstejenta til **Martin** og kona [Gjertrud Olsdtr, Sigrid](#), var f i [Køldokken](#) 17/4-, dpt i [Bagn kyrkje 22/6-1902](#)^[#12]. Vi finn henne «*Dagarbeiderkone*» i [FT1910](#) på [Lierbakken](#) gnr. 25/3 i Ringsaker herad saman med mor si – som vart skriven «*Dagarbeiderkone*» - og broren **Erik** samt **Magnus**, sonen til eldste systera **Marit**. **Sigrid** vart konfirmert i [Ottestad krk.](#) i Stange prgj.[15/4-1917](#)^[#16]. Ho budde då på Thorshaug.

[Småbruk](#) arparet [Maren Andersdtr](#) og [Martinus Danielsen](#) fekk sonen **Ivar Henry**, f Grønvold under Løset 16/5-, dpt [Deset krk. 4/9-1904](#)^[#28], konfirmert [Nordre Osen 3/10-1920](#)^[#4]. Denne familien budde ved [FT1891\(Husliste\)](#) på [Furutangen](#) nedre gnr 36/19&20 (Personsedlar [#1- #6](#)). Dei hadde same adresse ni år etter, ved [FT1900](#), men framme ved [FT1910](#) hadde dei flytta seg til [Myrvang gnr 72/2](#).

Sigrid(Hushjelp i Hamar) og **Ivar Henry(småbruker,N Osen)** gifta seg i Nordre Osen krk. [28/12-1936](#)^[#4]. Dei er, i *Osen bygdebok*, [side 340](#) nemnte som brukarpar på Myrvang. Hjå DISgravminner finn vi at **Ivar Henry** vart gravlagd [3/12-1973](#), **Sigrid** døydde [30/6-1977](#), gravl. 6/7 s.å. Dei kviler ved Ottestad krk.

Tre jenter frå Valdres fann ektemenn knytte til Åmot

Her nemner eg jentene etter fødselsåret

Eldst av dei tre var dotter til Tømmermand Ola Nilson og Guri Knutsdtr. Jenta vart notert med fødestad Robølshagen 23/6-, dpt i Hegge krk. 5/7-1903[#8] - der ho fekk namnet **Marit**, konfirmert 23/6/1918[#19]. Familien budde ved FT1910 i Sælsbrøta. Dei er omtala på side 364 i «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» band A.

Marit Olsdtr gifta seg i Hegge krk. 23/6-1932[#5] med telegrafist **Eivind Granli**. Vigsla vart òg notert i klokkarboka i Åmot[#0], der har dei gardert kvar ektefolka gifta seg; «*Ikke i slekt, Viet i Ø Slidre, Vang i Valdres*». **Eivind** var son til Karinius Granli (Stampen) og Sigrid Engebretsdtr, fødd på Rustadmoen i Elverum 13/10-1897, dpt Elverum krk. 1/1-1898[#3], konf Elverum 29/9-1912[#13]. Han vart ved FT1900 registrert med bustad Granli gnr 16/2 i Elverum, i FT1910 var adressa Rustadhagen gne 16/25 i Elverum kommune.

DISgravminner fortel at **Eivind** døydde 29/9-1961, Marit fekk ein høg alder, ho døydde 94 år gamal, 22/9-1997. Ektefolka kviler på Åmot kyrkjegard.

Berit Olsdtr (Søndrol) starta ekteskap i Vang krk. 18/4-1936[#3] med skogsarbeidar **Svein Løklien** frå Åmot i Østerdalen. Foreldra hennar var bonde Ola Torsteinson Søndrol og Gjartrud Ivarsdtr. **Berit** kom til verda i Bygnaé(Nordeng) gnr 43/3 i Vang kommune, Valdres 24/6-, dpt i Vang krk. 17/10-1915[#6], konfirmert Vang prgj. 1/6-1930[#21]. Foreldra og dei fire eldste syskena hennar var ved FT1910 busette i Nordeng gnr 43/3. Far hennar vart då skriven «*Gaardbr. selveier, fører av motor-baat, snekker*», «*Hjemvendt norsk-amerikaner (1905), siste bosted i Amerika: Duluth*». Familien vert nemnt på side 750 i «*Gardar og slekter i Vang*», band A. **Berit** vert òg nemnt i databasen «thegenea-storypages» (men dei har diverre rota det litt til) ...

Svein var son til dagarbeidar Haakon Engebretson Løklien og Ingeborg Sveinsdtr. Han var fødd i Løklien(Lauklia) under Meldiseth (Melgarden Deset) 28/3-, døypt i Deset kapell? 20/6-1909[#8] (Han vart òg notert i klokkarboka for Åmot krk. (20/6-1909[#21])). Han vart konfirmert i Deset krk. 12/10-1924[# 12]. Familien får omtale på side 326 i «*Åmot bygdebok 2 : Garder og slekter*»

Hjå DISgravminner finn vi at **Svein** døydde 2/6-1987. **Berit** døydde 10/2-1997. Dei vart gravlagde på Deset kyrkjegard.

Helga Sæteråsen var fødd på Kvismoe i Høre sokn 17/1- og døypt i Høre stavkrk. 5/3-1922[#8]. Ho var dotter til Jens Johanson (Sæteråsen) og Anna Albertsdtr (Stenberg).

Jens var fødd på Sæteråsen i Sørskogbygda 8/2-, dpt Sørskogbygda krk. 10/4-1898[#6], konfirmert Sørskogbygda 29/9-1912[#3] (her skrive *Søndre Skogsbygd*). **Jens** var både i FT1900 og FT1910 på Sæteråsen nordre i Sørskogbygda saman med foreldra Johan Arneson og Helga Halvorsdtr. Han vart skriven skogsarbeidar då han gifta seg med **Anna Albertsdtr**, i Vestre Slidre prgj. 28/11-1919[#2]. **Anna** kom til verda på Kvismoe 5/1-, dpt Høre stavkrk. 23/6-1901[#2], konf Høre 1916[#7].

På Sørskogbygda kyrkjegard kviler både Anna og Jens. **Jens** døydde 21/8-1970, gravl 25/8 s.å. **Anna** døydde 17/8-1989, gravl 11/8 s.å.

Far til **Anna**, Albert O Stenberg, var fødd på Stenberg under Galterud i Nordre Odalen 24/11-1864, dpt 8/1-1865[#6], konfirmert Sand krk. 3/10-1880[#12]. Foreldra hans var selveier Ola Larson og Randi Boesdtr. Nordre Stenberg finn de meir om i «*Nord-Odal bygdebok BII*», side 470. **Albert** vart gift med Sigrid Knutsdtr, dotter til Knut Andrisson (Vøvle) og Sigrid Olsdtr (Tørstad) 2/1-1889[#1]. Dei er nemnde i «*Gardar og slekter i Vang*» band C, side 158.

Då går vi attende til **Helga Sæteråsen**. «*Åmot bygdebok 2: Garder og slekter*» side 619 syner at ho i 1941 vart gift med **Toralf Sveen** på Lilleløkken gnr 49/26 i Åmot.

Så tek vi steget over kommunegrensa - neste stopp: Elverum

Skreddarmeister i Elverum – gift med fotograf

Det var barnedåp i Hegge kyrkje [26/6-1870](#)^[#41]. Då fekk ein liten gut namnet **Ivar**. Han var oppattkalla etter ein av oldefedrene sin på morsida, Ivar Olson på Robøle. **Ivar** var komen til verda i Dælsbygden 12/5 s.å. og foreldra var Torstein Rønjusson (*sjå om namnet **Rønjus** på neste side*) og Marit Knutsdtr. Foreldra hadde gifta seg [20/4-1859](#)^[#9], og **Ivar** var det fjerde barnet i syskenflokk. Skolte(Skølté) i Dale teljkrins var ‘adresse’ for familien ved [FT1865](#), dei var då husmannsfolk. Ti år etter, ved [FT1875](#) vart bustaden notert som Skolte, løpenummer 238 & 233b^[#52] i Øystre Slidre prgj. Familien, no med 6 personar, finn de i [Specialliste #52](#).

Ivar vart konfirmert i Rogne kyrkje [1/11-1885](#)^[#6]. «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» band A, fortel om familien i Skølté på [side 271](#). – «*Norske Gaardenavne*» har [tolking av gardsnamnet](#).

Framme ved [FT1891](#)^[#22] har Skolte i [matrikkelen av 1886](#) fått gardsnr 18, bruksnr 2 og 4. De finn [Husliste](#) og Personskjema(#1-4). - Innan neste store folketeljing har **Ivar** flytta på seg. Han gifta seg i [Hamar domkyrkje 7/8-1900](#)^[#34] med fotograf **Marie Johansdtr Gullord**. **Ivar** var då skreddar.

Marie kom til verda 31/12-1868 på nedre Gullord i Biri (*Rygh*). [Kyrkjebøkene for Biri i denne tida](#) tok «*den raude hanen*» seg av. Notat ved konfirmasjon syner at ho vart døypt i Biri 24/1-1869, konfirmert i Hunn krk. [28/9-1884](#)^[#8]. Foreldra hennar var Johannes Kristofferson og Anne Mathia Nilsdtr. Familien hadde flytta til Vardal innan [FT1875](#), då vart dei registrert busette på Kopperud nordre løpenr 85 i Vardal prgj. Med den nye matrikkelen hadde Kopperud nordre fått gnr. 64/5. I teljkrins nummer 6 Vindingstad^[#54] finn vi **Marie** og foreldra samt tre «*besøgende*» ved [FT1891](#)^[#54], ([Husliste](#)) – Personskjema ([#1](#) – [#9](#)).

[FT1900](#) syner at *Husmoder Marie Dahle, Skræddermester Ivar Dahle* då budde i Sidebyg-ningen på Lundgaard øvre, gnr 30/31 i Elverum kommune. Dei vart 23/9-1901 foreldre til ei jente, Ho fekk i Elverum krk. [1/12-1901](#)^[#126] namnet **Marit**. Ho vart konfirmert i Elverum [8/10-1916](#)^[#43].

Framme ved [FT1910](#) er familien busett på Fresvold [gnr 13/40](#). Her budde òg tenestejenta Laura Johansen Lillegrundset og dei [losjerende](#)(fl) *tømmermand* Hans Olsen og *snedker* Kristian Hansen.

Skreddermester Ivar Dahle døydd av *Leverkræft* 31/8-1925^[#36], gravlagd ved Elverum krk. 5/9 s.å. **Marie Dahle** vart iflg. DISgravminner gravlagd på Elverum kyrkjegard [17/7-1952](#). Dottera **Marit Dahle** døydd [7/12-1975](#), gravl Elverum 16/12 s.å.

Lokalhistoriewiki har [omtale av Marie Dahle](#). [KulturNav.org](#) seier: «*Marie Dahle (født Gullord 31. desember 1868 på Biri, død 1952) var fotograf. Hun bygde opp eget atelier på Gjøvik i 1897. Det var i toppetasjen hos skredder Monsen i den senere Lucie Tinggården, Storgt. 28. Flyttet i 1898 til Elverum hvor hun ble gift med skredder Ivar Dahle. Der etablerte hun seg under navnet Marie Dahle, i folketellinga for 1910 er hun titulert som «husmor og fotograf». Skal etter sigende "sammen med en annen dame" ha overtatt I. Lømos arkiv. Bilde fra ca. 1905/08 i Det kongelige norske videnskabers selskabs bibliotek. Glom-dalsmuseet i Hedmark overtok i 1977 Marie Dahles negativsamling*».

[DigitaltMuseum](#) har på nettsida si [42 bilete frå Marie Gullord si samling](#). Her er eit av dei:



Gamlebrua og Leiret sett fra Vestad

Førenamnet **Rønjus** – eit ‘Slidrefenomen’

Namneboka (Samlaget, 1991) av [Olav Veka](#) seier på side 137 dette om førenamnet: «**Rynjus**(Rønjus) kjent frå valdres, kanskje av eit eldre *Rúngils*, samansett av *Rún-* ‘løyndom’ og *-gils*, som kan ha vore ei nemning for våpen.

Den store navneboken (Cesam media 1992) har om lag same ordlyd: **Rynjus**, norsk, trolig av norrønt Rungils, ‘hommelighet’ + gils(usikkerhet). - **Rønjus** som Rynjus.

Nedanfor kjem tabellar for folketeljingane i **1801**, **1865** og **1910** – Dei talar for seg sjølv.

1801

Namn	Fødd år	Still./Stand	Bustad
Rønnius Olssen (mann)	1789*	Hendes børn Ugivt	Slidre: Garvig
Rønjus Larsen (mann)	1794*	Deres børn Ugivt	Slidre: Fudske
Rønjus Gulbrandsen (mann)	1781*	Tienestefolk Ugivt	Slidre: Løchen
Rønjus Knudsen (mann)	1797*	Deres børn	Slidre: Langedahlen
Rønjus Rønjussen (mann)	1762*	Inderst Ugivt Nation. soldat	Slidre: Alvstad
Rønjus Olsen (mann)	1735*	Mand Bægge i 1te ægteskab Jordløs husmand	Slidre: Alvstad
Rønjus Gullichsen (mann)	1748*	Husbonde Bægge i 1te ægteskab Bonde og gaardbeoer	Slidre: Nordtorp
Rønjus Tostensen (mann)	1797*	Deres børn Ugivt	Slidre: Skammesteen
Rønjus Nielssen (mann)	1749*	Husbonde Bægge i 1te ægteskab Bonde og gaardbeoer	Slidre: Dahle

1865

Namn	Fødd år	Fødestad	Stilling & stand	Bustad
Rønjus Knudsen	1848*	V Slidre Prgj.	deres Søn ug	Vestre Slidre: Garvik
Rønjus Knudsen	1805*	Vangs Prgj.	Husfader g Gardbr og Selveier	Vang: Tørstad
Rønjus Nilsen	1813*	Ø. Slidre	Husfader g Grdb og Selveier	Østre Slidre: Dale nedre
Rønjus Torstensen	1862*	Østre Slidre	deres Søn ug	Østre Slidre: Skolte
Rønjus Johnsen	1813*	Østre Slidre	Huusf g Gaardb Selv Lensmd	Østre Slidre: Nordtorp
Rønjus Torstensen	1797*	Østre Slidre	g Husmand med Jord	Østre Slidre: Skogen

1910

Namn	Fødd		Stilling & stand	Bustad
Rønjus Olsen (mann)	1886-02-03	Vang	s ug Jordbruksarbeider	Vang: Haalien (gaard)
Rønjus Olsen Holien (mann)	1886-02-23	Vang V	ug Jordbruker	Kristiania: Toldbodgate 10



Her er dei tre karane som bar Rønjusnamnet 23/8-2007 (foto: ohf)

Formand ved jernbanen

Erik var nok i arbeid både på Dovrebanen og Rørosbanen

Erik var son til [Arne Erikson](#) og [Kirsti Olsdtr.](#) Han vart fødd på [Kjøernes](#) 19/6, dpt i [Ulnes krk. 13/9-1862\[#13\]](#). Då han vart konfirmert, i Ulnes [17/ 6-1877\[#8\]](#) vart det skrive at fødestaden var «*Svennæseie*». [FT1865](#) fortel at foreldra til **Erik** då var husmannsfolk på *Kjørnæseie*. Ved [FT1875](#) budde husmannsfamilien på '*Brænden under Svennes*'. **Erik** hadde då to yngre sysken; Ole og Marit. **Erik** var vegarbeidar ved [FT1891](#), han var då vegarbeidar ved «*Veianlægget Bagn-Gottenborg*» med «*sædvanligt bosted*» [Kjørkebjørgum, Jukam S Aurdal](#). «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*» band D nemner familien på side 131.

Når vi kjem til [FT1900](#) finn vi at **Erik Svennes** var *Banevogter* med bustad [Harpefoss](#) jernbanestasjon. Han var då gift med ekspeditrise **Randine Mikkelsdtr.** Ho kom til verda på Saugstad i Ringsaker 27/6-, dpt i [Ringsaker krk. 18/7-1869\[#73\]](#), konfirmert Ringsaker [4/10-1885\[#3\]](#). Ved [FT1875](#) budde ho i lag med foreldra; gardbrukarparet [Mikkel Olsen](#) og [Oline Mikkelsdtr](#) samt syskena Ole(1868), Anne Marie(1871) og Andreas (1873) på [Saugstad](#) vestre nedre løpenr 55&57b i Ringsaker prgj. Eg vil tru at denne eigeidomen i den nye matrikkelen er kalla Saustad vestre med Strandjordet, har gardsnr 241 og finst i panteregister nr. 4.3 på sidene [138-140](#). Ole Mikkelsen(1868), og mora Oline(1845) var ved [FT1891\[#75\]](#) på Sau(g)stad vestre gnr 241/1. Framme ved [FT1900](#) finn vi framleis familien på Saugstad vestre; då hadde Ole Mikkelsen gifta seg ([12/8-1891\[#23\]](#)) med Marte Maria Johannesdtrsdtr (Ambli).

Randine og **Erik** vart foreldre til: **Kirsten Oline Svennæs** ^A f [Harpefoss](#) 30/6, dpt [Sør-Fron krk 8/8-1897\[#29\]](#). Faddrar var mor til Randine, [Oline](#), broren [Ole](#) samt konduktør Ole Platou med fru Marie. **Kirsten Oline** ^A vart konfirmert i [Elverum krk. 21/9-1913\[#36\]](#). **Arne Mikael** ^B f [Søndre Fron](#) 23/12-1898, døypt. 5/2-1899[[oppg v konf](#)], konfirmert Elverum [21/9-1913\[#22\]](#). **Edel Randine** ^C f [Harpefoss](#) 4/11- , dpt [Sør-Fron](#) [2/12-1900\[#28\]](#), konf Elverum [26/9-1915\[#56\]](#). **Odd Kristian** ^D f [Grundset](#), Elverum 14/3-, dpt Elverum [8/5-1903\[#40\]](#). **Aslaug Marie** ^E f [Grundset](#) 24/5-, dpt Elverum [1/7-1906\[#58\]](#). **Rollaug Idun** ^F f [Grundset](#) 6/6-, dpt Elverum [12/7-1908\[#77\]](#).

Familien budde ved [FT1910](#) på Grundset jernbanestasjon gnr 14/1 i Elverum kommune. **Randine** og **Erik** er med i ein [GENIprofil](#). Dei er òg med i ei [oversikt hjå Ancestry](#),

Randine Svennæs døydde av kreft på Hedmark fylkessjukehus [30/9-1927\[#53\]](#), gravl 6/10 s.å. Det vart notert at ho «*tilhører Filadelfiamenigheten i Oslo*». *Pensionist Erik Arnesen Svennes* er notert med dødsdato [12/2-1931\[#9\]](#) (Borgen_Leret), gravl 20/2 s.å. Dei kviler på Elverum kyrkjegard.

Rollaug Idun ^F døydde av [bukhinnebetennelse](#) på [Fylkessykehuset](#) [4/4-1930\[#11\]](#), gravlagd på Elverum kyrkjegard 10/4 s.å.

DISgravminner syner at **Odd Kristian** ^D døydde [15/12-1980](#), gravl Hamar gravlund 15/5-1981. Han deler gravstein med **Aasta** f 16/1-1910. Mykje talar for a dette er **Åsta Sletten**, dotter til [Gunda](#) og [Olaf Sletten](#), f Bjørklund i Åsnes, døypt i [Gjesåsen krk. 28/3-1910\[#6\]](#), konf Gjesåsen [12/10-1924\[#3\]](#). **Åsta** døydde [18/7-1999](#), gravl 28/10 s.å.

Arne Mikael ^B fekk ein høg alder. Hjå DISgravminner er han notert med dødsdato [2/9-1992](#) og gravferdsdato 3/10 s.å. Han kviler på Ringsaker kyrkjegard.

Edel Randine ^C gifta seg i 1924 med sorenskrivar **Finn Dahlin**, son til infanterikaptein [Johannes Hagbarth Emil Dahlin](#) og [Stine Cathrine Charlotte Lyng](#). Han var f i Molde 17/9-, dpt i [Molde krk. 9/2-1896\[#2\]](#), konf [Steinkjer krk. 2/10-1910\[#1\]](#). Familien budde ved [FT1900](#) på matrikkelnr 151c i Molde, ved [FT1910](#) i Kirkegata i Steinkjer. - **Edel Randine** ^C døydde [7/10-1996](#), gravl 24/10-s.å. **Finn** døydde [11/7-1996](#), gravl 8/8 s.å. Ektefolka er gravlagde på Vestre Gravlund, Oslo. Dei er med i ein [GENIprofil](#). **Finn Dahlin** vart omtala i «*Hvem er hvem*» i [1973, side 17](#). Wikipedia har òg [ein artikkel](#) om han.

Aslaug Marie ^E vert hjå DISgravminnet notert med dødsdato [26/2-1997](#), gravl 2/1-1998. Under same gravstein kviler **Olvard Sven(d)sgaard**, død [9/1-1991](#), gravl 16/1 s.å. Han var son til folkeskulelærer [Torstein Paulson Svendsgaard](#) og [Olivia Akselsdtr Fjøser](#). Han vart fødd på [Fjøser gnr 61/5](#) i Åsnes 7/11-1892, dpt [Gjesåsen krk, 26/2-1893\[#2\]](#), konfirmert Gjesåsen [11/10-1908\[#1\]](#). Ved [FT1900](#) budde **Olvard** på Fjøser, ved [FT1910](#) var han underoffiserselev på [Fredriksten festning](#) i Halden.

Dei treftest på Toten, dei vart buande i Sørskogbygda

Men vi set stubben i gang i Rogne sokn i [Øystre Slidre prgj.](#) Her vart det fødd ei jente 31/10-, dpt i [Rogne kyrkje 13/11-1859\[#87\]](#) der ho fekk namnet **Kari**. Foreldra hennar var inderstfolka [Knut Nilson](#) og [Sigri Olsdotter](#). Dei hadde gifta seg [24/5-1858\[#8\]](#). [Knut Nilson](#) (1833-1860) vert nemnt på [side 417](#) i «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*», Band B. [Sigri Olsdtr](#) finn vi som *logerende* enkje [FT1865](#), *inderst* i Bjørnspladsen ved [FT1875\[#3\]](#), *husmannskone* i Viken under gnr 51/1 i [FT1891](#), same posisjon ved [FT1900](#). I [FT1910](#) vert ho presentert som husfaren ([Per Viken](#)) si mor.

[FT1865](#) plasserer **Kari Knutsdtr** med mor og halvbroren [Knut](#) i *Braatene, Rudi Omgangskoledistrikt*. Denne plassen vart iflg «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*», Band B, [side 409](#) kalla Bendiksonplassen eller *Brøtadn*. – **Kari** vart konfirmert i Rogne kyrkje [7/6-1874\[#10\]](#). Ho vart registrert saman med mor si og halvbrørne [Knut](#)- og [Ole Olson](#) - busett på *Bjørnspladsen/Braatene* ved [FT1875](#).

Deretter har **Kari Knutsdtr** slege ut vengjene og kome til Østre Toten. Her møtte ho ein kjekkar frå Elverum; **Oluf Olausson** Bakken. Dei tok steget inn i ekteskap i [Balke krk.](#) [12/6-1888\[#6\]](#).

Oluf var son til ungkar [Olaus Dominikussen Rask](#) og [Oline Halvorsdtr Hageneige](#). Han var f på Hageneige i Elverum 2/7-, dpt i [Elverum krk.](#) [14/10-1867\[#123\]](#) og konfirmert i Elverum krk. [21/10-1883\[#78\]](#). [Olaus Dominikussen](#) kom til verda 13/12-1842, dpt [19/3-1843\[#20\]](#), konfirmert Elverum [10/10-1858\[#13\]](#). Han vart skriven *Bagersv(end)* då han gifta seg i Elverum krk. med pige [Olia Olsdtr Vang](#) [8/11-1867\[#26\]](#). Enkje [Oline Halvorsdtr](#) budde ved [FT1865](#) på Hageeije i Elverum prgj. saman med tre søner og to døtre.

Kari Knutsdtr og **Oluf Olausson** budde ved [FT1891](#) i Holenbakken, plass under [Holen gnr 36/1](#) i Østre Toten. Dei vart 8/12-1892 foreldre til ein gut, heimedpt med namn **Oskar** ^A 15/3-, stadfesta i Balke krk. [2/4-1893\[#15\]](#). Familien lyt ha flytta til Elverum prgj. innan vinteren 1896, dottera **Kari Ovidie** ^B vart fødd på [Lindstad](#) 18/11-, dpt. [Sørskogbygda krk.](#) [27/12-1896\[#111\]](#). Familien var busett på *Lindstad og Damgulvet gnr 170/13* i Elverum kommune ved [FT1900](#). - De kan finne opplysningane om [Lindstad gnr 170/13](#) i Panteregister nr. 16 for Elverum

Oskar ^A vart konfirmert i Sørskogbygda(*Søndre Skogsbygd*) [6/10-1907\[#6\]](#). Han vart skriven skogsarbeidar då han døydde på Lindstad [31/12-1909\[#2\]](#), dødsårsak vart notert som [Actinomycois](#). Gravferd var 10/1-1910 ved Sørskogbygda krk., han vart jordfesta 16/1 s.å. Det var truleg ein sorgtyngd familie teljaren trefte på Lindstad ved [FT1910](#)

Hjå DISgravminner finn vi at **Kari Knutsdtr** døydde [6/3-1944](#), gravlagd 13/3 s.å. – **Oluf Bakken** døydde [12/10-1950](#), gravl 18/10 s.å. Ektefellene kviler under same gravstein som sonen Oskar.



«Gamle koperativen i Sørskogbygda» - Bilete lånt hjå [Glomdalsmuseet/Digitalmuseum](#)

Turid vart gift med ein sjukepleiar frå Elverum

Gaardmandsøn Knut Syverson frå *Tuf* og *Ragnhild Eriksdtr RoensEje* gifta seg i [Røn krk. 20/1-1896\[#1\]](#). Dei vart foreldre til dottera **Turi** 23/1-, dpt Røn krk. [8/4-1898\[#6\]](#), konf [1/6-1913\[#7\]](#). [FT1900](#) syner at dei då budde i *Tuf*(Marken) [gnr 84/7](#) i Vestre Slidre. Ved [FT1910](#) vart familien (foreldre og seks born) registrert busett på Haugen(Strulden) [gnr 84/5](#). Panteregistersida syner at *Knut Syverson* fekk skjøte 18/4-, tinglyst [25/4-1903](#). Plassen vert nemnt på [side 792](#) i «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*».

Turi Knutsdtr (skrive Syvertsen) hadde teke eit langt hopp austover når vi finn henne som brur, i [Elverum krk. 19/3-1921\[#10\]](#). Sidan eg nytta «*klokkarboka*» i samband med 'vigslene i Elverum' fekk skjønnskifta til 'klokkaren' lurt meg til *skikkeleg* å misstyre slektsnamnet til brudgommen ...

Harald Pederson Fosmoen var fødd på Mo i Elverum 23/6-, dpt [8/9-1895\[#94\]](#), konfirmert Elverum [9/10-1910\[#37\]](#). Foreldra var baneformann *Peder Fosmoen*(1855-1924) og *Marte Olsdtr*(1858-1899[#75]). Familien budde ved [FT1900](#) på Fredsvold [gnr 13/40](#) i Elverum. Sand og Sande [gnr 13/38](#) var bustad i [FT1910](#).

Då **Turi** og **Harald** gifta seg vart det opplyst at brudgommen var «*sindsykepleier på Sanderud Asyl i Stange*», brura var «*tjip(tjenestepige) sammesteds*».

Lærer Knut Hegge gifta seg òg i Elverum

Heimeverande dotter **Ingeborg Ljosland** og folkeskulelærer i Romedal **Knut Hegge** gifta seg i Elverum krk. [24/1-1925\[#4\]](#). - **Knut Hegge** var fødd i [Bjelbøle](#) 19/7-, døypt i [Hegge krk. 9/9-1894\[#8\]](#), konfirmert i Hegge [7/11-1909\[#3\]](#). Han vart ved [FT1900](#) registrert saman med foreldra, *Knut Kristenson* og *Guri Haldorsdtr* samt systera Marit f 1899 i [Bjelbøle gnr 16/1](#) i Øystre Slidre. Ved [FT1910](#) var dei busette på [Dahle\(Gaard\) gnr 17/8](#) i Øystre Slidre. Knut er omtala i «*Norske skulefolk*» på [side 535](#).

Lærer **Knut K Hegge** gifta seg i [Røn krk. 16/10-1918\[#2\]](#) med **Margit Knutsdtr Månun**, fødd på [Torto](#) i Månobygden 16/10-, dpt Aurdal krk [24/11-1892\[#23\]](#), konfirmert i Røn krk. [2/6-1907\[#2\]](#). Ho budde ved [FT1900](#) og [FT1910](#) i [Køta gnr 72/1](#) i Vestre Slidre. **Margit** døydde [27/6-1924\[#3\]](#), gravlagd ved Røn krk. 5/7 s.å. Det vart notert i *klokkarboka* at ho var fråskild kone, dødsårsak Tuberkulose. Lærer **Hegge** synte i samband med 2.gongs giftarmål fram skifteattest datert 5/1-1925 frå S Hedmark skifterett. Lat meg ta med at farfar til **Margit** var bror til ein av stubbskrivaren sine fire oldefedre.

Ingeborg var dotter til *folkeskulelærer Knut Tobias Ljosland* (Sjå «*Norske skulefolk*» [side 791](#)) og *Aase Mølland*. Ingeborg var fødd på Brynihaugen 2/10-, dpt Romedal krk. [17/12-1905\[#37\]](#), konfirmert i Romedal krk. [16/10-1920\[#18\]](#). Familien budde ved [FT1910](#) på Haugen [gnr 97/2](#) i Romedal.

Olaf Garli, «Elektrisk montør» starta òg ekteskap i Elverum

Staden er Elverum kyrkje og dagen er sjølvaste nasjonaldagen. 17. mai. Året er 1921. Denne dagen byrja ekteskapet til **Marte Ottosdtr Mørkhagen** og **Olaf Nilson Garli**. ([17/5-1921\[#17\]](#))

Brura var dotter til gardsarbeidar *Otto Severinson Mørkhagen*([11/5-1865](#) – [6/2-1909](#)) og *Karoline Akseldtr Berger*([22/4-1866](#) – [25/2-1925](#)). **Marte** var fødd i [Mørkhagen](#) 16/11-, døypt i Elverum krk. [30/12-1900\[#124\]](#), konfirmert Elverum [26/9-1915\[#61\]](#). Ho vart registrert busett i [Mørkhagen gnr 8/1](#) i Elverum kommune både ved [FT1900](#) og [FT1910](#).

Olaf kom til verda 30/4-1892 i [nørre Garli gnr 22/1](#) i Nord-Aurdal. Foreldra hans var *Nils Olson* (Garli) og *Guri Andersdtr* frå [Fossebrøto](#). **Olaf** vart døypt i Skrautvål kyrkje [6/6-1892\[#5\]](#), konfirmert i Skrautvål [7/4-1907\[#2\]](#). Bustaden var [gnr 22/1](#) både ved [FT1900](#) og [FT1910](#), men teljarane hadde litt ulik namneform på garden. I 1900 vart garden skriven *Garlid nedre(Gaard)*, ti år seinare var namnet *Garli nordre*. **Olaf** er med i ein [GENIprofil](#).

DISgravminner fortel at **Olaf** døydde [6/8-1960](#), **Marte** døydde [22/6-1977](#). Dei kviler på Tomter kyrkjegard i Hobøl,

Menighetsdiakonisse ved Elverum sjukehus

Olea Monsdtr og Ola Erikson hadde med ei lita jente til Bagn kyrkje [7/2-1875](#)^[#10]. Her vart ho døypt med namnet **Anne Mathea**. Ho var komen til verda i Liabæklien 14/12-1874. [FT1875](#) for Sør-Aurdal syner at Olea og Ola budde i Liabekkleie hjå foreldra til Olea, Mons Olson og Inger Andersdtr. **Anne Mathea** hadde ein eldre bror, Erik f 1872 og ei halvsyster, Maria f 1868. Familien vert omtala på [side 529](#) i «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band B.

Anne Mathea, vart konfirmert i Bagn kyrkje [13/4-1890](#)^[#29]. Ho var «*tjenestepige, husarbeide*» på nørre Fønhus gnr 56/2 ved [FT1900](#). Ved [FT1910](#) budde ho på Sandbakken øvre, gnr 31/8 i Elverum. Ho var då sykepleierske. Ho vart skriven «*Menighetsdiakonisse*» då ho gifta seg med enkjemannen **Johan Johannessen Lundsten** [8/3-1916](#)^[#57] i Trefoldighets krk. i Kristiania.

Johan var son til inderstparet Johannes Anderson og Anne Jensdtr, f på Sanden i Furnes 21/8-, dpt Furnes krk. [2/9-1860](#)^[#91], budde på Jønsrudeige då han vart konfirmert i Ringsaker krk. [3/10-1875](#)^[#25]. Familien har nok flytta ein del på seg, ved [FT1865](#) var dei på Gapop i Bergsfjordingen, ved [FT1875](#) budde dei i Hussarstuen lno 70a i Ringsaker. - Johan gifta seg fyrste gong i Vardal krk. [26/10-1896](#)^[#7] med Johanne Karine Olsdtr frå Aandalen, Vardal. Vi finn ektefolka på Ravnumsveen i Fåberg ved [FT1900](#), **Johan** var då «*skomaker, antatt opholdsted Nordre Land*». Han var «*gaardbruger og lidt indremissions-emisær*» ved [FT1910](#). Bustad var Dalen gnr 50/6 i Bjugstad teljekrins, Vardal kommune. Johanne Lundsten døydde [20/8-1914](#)^[#8], gravl. ved Hunn krk. 29/8 s.å.

Telefonbestyrerinde i Snertingdal og syerske i Elverum

For typograf Oskar Martin Olsen og Guri Olsdtr vart nok [23. september 1916](#)^[#43] ein viktig dag i livet. Denne dagen gifta dei seg i Elverum krk. **Guri** hadde veslesystera Gea som forlovar.

Guri var fødd på Stavseng 4/9, dpt i Nord-Etnedal krk. [7/10-1883](#)^[#3], konfirmert Nord-Etnedal [1/5-1898](#)^[#3]. Foreldra hennar var Ola Olson og Marit Guttormsdtr. Familien vart registrert på Stavseng, gnr 28/9&12, ved [FT1900](#). Realregistersidene for Stavseng finn de på gnr [28/3](#) og [28/4](#). «*Gard og bygd i Etnedal*» band A fortel på [side 230](#) at familien flytta til Snertingdal i 1903. Realregisterside 239 for Faareng gnr 129/1 syner at Erik Olsen- og Marit Guttormsdtr Stafseng fekk skjøte frå Martin Dæhlen 12/12-, tinglyst 16/12-1904. Olea og Erik Stafseng skjøter garden til Ivar Høverstad 2/3-1911. Far til **Guri** og Erik, Ola O Stafseng, døydde i Faareng 21/12-1905^[#14].

[FT1910](#) syner at **Guri Stafseng** då var «*telefonbestyrerinde, syerske*» med bustad «Tabor bedehus» gnr 122/6 i Snertingdalen. Syskena hennar finn vi i 1910 m.a. i Vardal, Gjøvik, Nord-Aurdal, Ringsaker og Elverum, der broren Johan er dreng hjå morbroren Erik. Erik vert «*hovudperson*» i den neste 'stubben'.

Oskar Martin Olsen var son til typograf Ole Olsen og Magna Johansdtr Bjølsetbakken. Han vart fødd i Hamar 11/11-1892, dpt i Hamar Domkrk. [5/3-1893](#)^[#17]. Familien har fleire gonger flytta på seg, i [FT1900](#) var faren «*bogtrykker og bladutgiver*» på Røros – dei budde på Egset i Volda då **Oskar Martin** vart konfirmert, [6/10-1907](#)^[#17] – ved [FT1910](#) var han *typografsvend* i Florø, broren Sverre var *baketrsvend* med same adresse.

Guri og **Oskar Martin** vart foreldre til dottera **Solveig** 21/1-1917. Jenta vart fødd på Nes i Elverum og døypt i Elverum krk. [5/4-1917](#)^[#17].

Vesle **Solveig** var berre vel tre år gamal då ho mista mor si. **Guri Olsen**, gift, bustad Norr, Leiret, døydde av tæring [13/2-1920](#)^[#16] og vart gravlagd/jordfesta ved Elverum krk. 21/2 s.å.

Enkjemann **Oskar Martin Olsen** vart i Elverum krk. [2/2-1920](#)^[#69] oppattgift med syerske Ragna Jensine Hansen. Ho var dotter til Hans Edvard Nilsen og Anne Mari Simonsdtr, fødd Djupvik 9/6-, dpt Dyrøy krk. [26/12-1893](#)^[#18], konfirmert Dyrøy [18/6-1909](#)^[#6].

Eg finn ein **Oskar Olsen** (11/11-1892 – [28/5-1965](#)) gravlagd på Stalsberghagen gravlund i Skedsmo. Same gravnummer har Dagny Marie Olsen ([28/10-1893](#)^[#1] – 15/2-1983) – Ho var truleg dotter til gaardsfuldm. Gustav Olsen Rognstad og Inge Amalie Kristoffersdtr på Dal i Hovin sokn i Ullensaker. Familien budde ved [FT1900](#) på Norddalshaugen gnr 89/4 i Eidsvoll – bustad ved [FT1910](#) var Brandvoldsgt 1 i Lillestrøm.

Erik kasta staven i Glåma - skifta frå Stavseng til Engh

Karen i denne stubben, **Erik Guttormson**, er morbror til Guri Olsdr i førre stubb. Lat meg legge til at han òg vert firmenning med bestefar min på morsida. **Erik** såg fyrste dagslyset i [Grøne-bakke](#) i Skrautvøl. Han kom til verda 22/2-, dpt i [Skrautvål krk.](#) [22/3-1857\[#27\]](#), konfirmert i Aurdal prgj. [16/6-1872\[#1\]](#). [FT1865](#) plasserer han saman med foreldra, [Guttorm Erikson](#) og [Gunild Gud-brandsdr](#) samt syskena Gudbjør, Guri, Ola og Synnøve i *Dalsbraaten løpenr 31c* i (nord)Etnedalen teljekrins. Teljinga [1875](#) syner **Erik**, foreldra og tre systre på Stavseng lno 46b og 37f i teljekrins 3 i Nord-Aurdal. «*Gard og bygd i Etnedal*» band A fortel om denne familien på [side 228](#).

Så treffer vi på **Erik Guttormson** som brudgom. Han var «*Postbud i Christiania*» då han gifta seg [18/3-1887\[#7\]](#) i [Våler krk.](#) i Solør med **Dorthea Enersdr**. Ho kom som 'julepresang'; fødd 24/12-1863 på [Braskerud i Våler](#), Solør, dpt i Våler krk. [24/1-1864\[#17\]](#), konfirmert Våler [13/10-1878\[#2\]](#). Foreldra til **Dorthea** var gardbrukarparet [Ener Tørrisen](#) og [Anne Olsdr](#) Braskerud.

Familien budde ved [FT1865](#) på Braskerud lno 20. Far til [Ener](#), enkjemann Tøris Enerson var då titulert «*Gaardbruker*» medan sonen «*hjelper F med Gaardb*». «*Våler Bygdebok*» har på [side 60](#) omtale av denne garden. Ved [FT1875](#) finn vi m.a. desse folka på *Bradskerud(Nystuen) løpenr. 20a* i Våler: *Gaardbruger, Selveier* [Ener Tørrisen](#) f 1841, *kone* [Anne Olsdr](#) f 1839, søn Tørris Evensen f 1861, *elev ved Hedemarken Amtsskole* og datter **Dorthea Enersdatter** f 1863. Familien hadde elles *Tjenestekarl, Stuepige* og *Budeie*. Edvard E Braskerud overtok garden med skjøte datert 28/4, tinglyst [2/5-1910](#).

Det ser ut til at **Dorthea** og **Erik** har budd i hovudstaden til etter 1890. *Fosvejen 6* var bustad då sonen **Einar** [A](#) vart fødd, 25/5-, dpt i [Petrus krk.](#) Kraa. [1/7-1888\[#145\]](#), konfirmert Elverum krk. [4/3-1903\[#1\]](#). Dottera **Anna Gullborg** [B](#) vart f 25/3 i [Deichmannsgaden](#), dpt [6/7-1890\[#104\]](#) i [Trefoldighet krk.](#), konfirmert Våler krk. [2/10-1904\[#4\]](#). **Gunnar** [C](#) f Sønsterud i Våler 9/12-, dpt Våler krk. [8/9-1894\[#64\]](#), konf Elverum [10/10-1909\[#27\]](#). Til sist kom tvillingparet **Ottar** [D](#) f Sønsterud 26/7-, dpt Våler [31/10-1897\[#53\]](#), konfirmert [22/9-1912\[#7\]](#) i [Heradsbygd kpl.](#) og **Gudrun** [E](#) f Sønsterud 23/7-, dpt Våler [31/10-1897\[#45\]](#), konf Heradsbygd [22/9-1912\[#25\]](#). - Familien budde ved [FT1900](#) på Sønsterud gnr 35/3 i Våler. - **Dorthea Enersdr** døydde på Sønsterud [31/7-1902\[#15\]](#), gravlagd/jordfesta ved Våler krk. 8/8 s.å. Dødsårsak vart oppgjeve som [Tæring](#).

Erik G Engh hadde kjøpt garden [Sønsterud lille/Sønsterud søndre](#) gnr 35/3 i Våler med skjøte datert 20/9-, tinglyst [24/9-1894](#). Han selde eigeidomen til *Knud P Nygaard* med skjøte 21/2-, tinglyst 1/3-1907.

Erik og dei fire borna fekk [3/5-1909\[#5-12\]](#) utflyttingsattest frå Våler med reisemål Elverum. Det ser ut til at dei hadde flytta i 1908. **Einar** [A](#) døydde av Tuberkulose [18/6-1908\[#20\]](#), gravl Elverum 27/6 s.å. **Erik**, **Ottar** [D](#) og **Gudrun** [E](#) finn vi i [FT1910](#) busette på Søberg gnr 5/1 i Elverum. [Realregisterside 198](#) kallar garden *Berger søndre*. Her finn vi at **Erik G Engh** hadde kjøpt garden frå *Carsten Arnesen* med skjøte datert 24/3-, tinglyst 22/4-1908. **Erik** sel Berger søndre til *Ole Jakob Søberg* med skjøte datert 7/9-, tinglyst 22/9-1915.

[FT1910](#) syner òg at systersonen til **Erik**, **Johan O Stavseng** f 1888 er *dreng* på Søberg saman med [Marius Sagstuen](#) frå Toten. [Beate Mellum](#) frå Elverum var *Tjenestjente/Budeie* og [Johanne Grandal](#) frå Våler var [Husholderske](#).

Forhenv. Postekspeditør, Pensionist **Erik Gulbrandsen Engh** døydde i [Heuchs gate 3](#) i Kristiania [11/3-1921\[#17\]](#). Dødsårsak vart notert til «*Hjerteslag*». Han vart gravlagd/jordfesta på Elverum kyrkjegard 23/3 s.å.. Dødsfallet vart òg notert i [Gamle Aker kyrkjebok\[#0\]](#), med meir [latinsk vokabular](#) !

Anna Gullborg [B](#) gifta seg i Trefoldighet krk., Kristiania [26/2-1916\[#50\]](#) med landhandlar i Heradsbygda, **Ole Haakonsen Husa**. Forlovarar var *Karl Husa, politibetjent*, Elverum og *Gunnar Engh, handelsbetjent*, Elverum. - **Ole** var son til [Haakon Olson](#) og [Pernille Pedersdr](#), f 18/7-, dpt Elverum [26/8-1877\[#175\]](#), konf Elverum [9/10-1892\[#28\]](#). Han var ved [FT1910](#) *Landhandler*, busett på Furuset [gnr 10/41](#) i Elverum.

Ole og **Anna Gullborg** [B](#) fekk sonen **Henry Olai** f Furuset 5/9-, dpt Elverum [20/10-1918\[#123\]](#), konfirmert Elverum [1/10-1933\[#19\]](#).

Kjøbmand & Agent på Gjøvik, landhandler i Våler(Solør)

Ministerialbok nr. 11 for Våler sokn i Solør fortel at gift *kjøbmand* **Reidar Skattebo**, f 23/9-1873 i Øystre Slidre, døydde av *Mavekræft* på Bjørke i Våler [16/12-1925\[#30\]](#), gravlagd ved [Våler krk.](#) 23/12 s.å.

Reidar, eller *Reier* (sjå «[Nokre tal om førenmner Reier](#)») – som det er skrive i Ministerialbok nr. 1 for Øystre Slidre prgj. - var den fjerde sonen i ein barneflokk på seks for foreldra [Gudbrand Knutson Skattebo](#) og [Marit Olsdtr.](#) Guten vart døypt i [Rogne kyrkje 26/10-1873\[#47\]](#). Alle faddrane kom frå Skattebugardane. Ved [FT1875](#) vart familien registrert busett i [Rolandsgarden](#) løpenr. 302a i Øystre Slidre prgj. «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» band B syner familien på [side 177](#). **Reidar** vart konfirmert i Rogne krk. [11/11-1888\[#2\]](#).

Han vart notert som *Søn, Besøgende* ved [FT1891](#) i Rolandsgarden gnr 40/1. Han var då *Jordbrugsarbeider. Elev ved Amtsskolen i N Aurdal*.

Når vi har runda [sekelskiftet](#) har **Reidar Skattebo** òg flytta på seg. Vi finn han ved [FT1900](#) som *Kjøbmand* i [Strandgata](#) på* Gjøvik, med bustad «*R Skatteboes G(aar)d*». Her finn vi, attåt kjøpmannen sjølv, *handelsbetjent* [Johan Wold](#) (John Kattevold) f [8/3-1877](#) i Vang; *handelsbetjent* [Lars Larsen](#) f [1844](#) i Vardal, *husbestyrerinde* [Margit Skattebo](#) f 1844 og gaardsgut [Ole Syversen Smedsrud](#) f [19/4-1884](#).

Så har nok *Kjøbmanden* råkt på ei jente han ynskte å dele livet med. [17/9-1903\[#11\]](#) finn vi han som brudgom i Våler krk. i Solør, her nemnt *Agent*.** Brura heitte **Katrine Waaler**, ho var fødd på [Hoel i Våler](#) 17/6-, dpt i Våler krk. [14/7-1878\[#65\]](#) og konfirmert i Våler [1/10-1893\[#24\]](#). Forlovarar var *Auctionarius* [A Stiksrud](#) og gbr. [Karlott Waaler](#). Foreldra til brura var gbr. [Ole Kristofferson Waaler](#) og [Lovise Arntsdr.](#) - [Ole Kristofferson](#) var *ugift Husfader* på Hol nordre lno 282a i Våler ved [FT1875](#). Han gifta seg med [Lovise Arntsdr Rivenæs](#) [1/3-1877\[#5\]](#). Familien var både ved [FT1891](#) og [FT1900](#) busette på Hol gnr. 42/1 i Våler kommune.

Katrine og **Reidar** vart foreldre til **Georg Oddvar** ^A f Gjøvik 12/12-, dpt [Gjøvik krk. 15/1-1905\[#3\]](#), konfirmert Våler krk. [3/10-1920\[#13\]](#). **Kaare Torolf** ^B f 9/4-, dpt Våler krk. [5/6-1910\[#29\]](#), konf Våler [5/10-1924\[#15\]](#).

DISgravminner syner at **Katrine Skattebo** døydde [13/1-1954](#), gravl. v Våler krk. 19/1 s.å. Vi finn at **Georg Oddvar** ^A døydde [27/1-1975](#), gravl. 3/11 s.å. Han deler gravstein med **Hjørdis** (5/2-1920 – [22/11-2011](#)). Eg går ut frå at dette var **Hjørdis**, dotter til skogsarb. [Karlott Karlson Knøsberget](#) og [Martine Pedersdr.](#), fødd på Strætengen, døypt i Våler krk. [9/5-1920\[#21\]](#), konf Våler [7/10-1934\[#31\]](#).

Det er knytt minst ein [GENIprofil](#) til denne familien.

*på Gjøvik/i Gjøvik ? - her held eg meg til Vazelina-standard: [På Gjøvik der har vi det bra](#)

** Agent – eg reknar at Reidar ikkje var redd for «[å kammå ut med hue føre](#)» slik Vidar Sandbeck skildrar det.



Postkort frå Våler i Solør

Gamleheimstyraren i Gausdal gifta seg i Gjesåsen krk.

Postkort Gjesåsen Kirke, Solør - [Normanns Kunstforlag](#)

Ministerialboka for [Gjesåsen](#) sokn i Åsnes prestegjeld fortel at **Sigrid Olsdtr Holte** frå [Sjøliholtet](#) i Åsnes [24/3-1913\[#1\]](#) gifta seg med **Nils Antonsen**, gamleheimstyrar i Gausdal. Både brur og brudgom var 1885-modellar, **Sigrid** f 6/11-, dpt [26/12-1885\[#23\]](#), konf [7/10-1900\[#38\]](#). Foreldra hennar var [Ole Olson](#) og [Randine Bredesdtr.](#) (Sjå: [Brede-fann ein mange av i Solør](#))

Knytinga til Valdres kjem med **Nils Antonsen**. Han var son til **Marit Olsdtr** frå nørre [Roo](#) og **Anton Nilsson Skavangeige**, fødd i nørre Roo 27/12-1885, dpt i [Bagn krk.](#) [6/1-1886\[#1\]](#) og konfirmert i [Nes krk.](#) på Hedemarken [30/9-1900\[#5\]](#). - Ho **Marit** var dotter til [Ola Syverson](#) og [Gro Eriksdtr](#), f 14/3-, dpt i [stavkyrkja i Reinli](#) [7/4-1850\[#6\]](#), konfirmert Reinli [18/6-1865\[#v7\]](#). Familien er presentert på [side 175](#) i «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band A.

Sonen **Olaf** ^A vart fødd i nørre Roo 14/6, dpt i Bagn kyrkje [23/7-1882\[#18\]](#). **Marit** og **Anton** sette så i gang førebuing til giftarmål. Dei gjekk inn i ekteskap i [Nes krk.](#) på Hedemarken [7/5-1884\[#7\]](#); med forlovarar Nils Fransens Skrædderbakken og Martin Nilsen Svennerudeie. Så har dei teke turen attende til Reinli; hovudpersonen i stunbben, sonen **Nils** ^B, vart fødd i Roo 27/12-1885, dpt i Bagn krk. [6/1-1886\[#1\]](#), Då **Nils** ^B vart konfirmert, i Nes prgj. [30/9-1900\[#5\]](#), vart det notert at han budde på [Haavelsrudeige](#). Her vart han òg registrert ved [FT1900](#); som *Dagarbeider ved Jordbrug*.

Eg har ein mistanke om at det er **Marit Olsdtr** vi finn i [FT1900](#) som gift *Husmoder, Dag-arbeider* – og *Driver Husvær*. Lat meg ta med at **Olaf** ^A vart konfirmert i Nes krk. [4/10-1896\[#9\]](#).

Framme ved [FT1910](#) finn vi **Nils** ^B **Antonsen** som *Gaardbr forpakter* på Myre(Eeg) gnr 6/1 i Nes kommune på Hedemarken. Mora, **Marit Olsdtr** var *Husholderske for sønnen*. Når «[namnelova](#)» kom har nok **Nils** valt å nytte Røang, gardsnamnet der han var fødd, som slektsnamn.

Hjå DISgravminner er det opplyst at **Sigrid Røang** døydde [1/12-1937](#) og vart gravlagd på Leie gravlund i Fredrikstad 11/12 s.å. - Så ser det ut til at **Nils** ^B har gifta seg oppatt – med Stjørdalskvinna **Gunvor Børset**. Dette vert òg fortalt i [ein database](#) hjå «*My Heritage*».

Gunvor var fødd på Leirfall(Lerfald) i Hegra 5/9-, dpt i [Hegra krk.](#) [22/10-1899\[#27\]](#), konf. Hegra [3/10-1915\[#30\]](#). Foreldra var gardbrukarfolka [Haagen Gunderson Børset](#) og [Kari Olsdtr](#). Familien budde ved [FT1900](#) på [Lerfaldnes](#), ved [FT1910](#) var 'adressa' *Lerfald(gaard)* gnr 92/2 i Hegra kommune.

Nils Røang døydde [16/9-1980](#), gravl 19/9 s.å. – **Gunvor Røang** døydde [16/8-1986](#), gravlagd 26/8 s.å. Dei kviler på Leie gravlund i Fredrikstad.

Vi kan vel ta med at ho **Gunvor** hadde ein [jamgamal sambygding](#) som mellom anna hadde utsegna: «*Det vil bli så langt mellom gardan at alle må ha eigen hannkatt*».....



Folkeskulelærarinne – Kirkenær i Solør

Marit Ivarsdtr og Amund Aslagson vart 13/9-1891 foreldre til ei jente. Ho vart døypt i [Røn krk. 27/12-1891\[#17\]](#) og fekk namnet **Barbro**, arva frå mormor si. Ho vart, saman med 26 andre, konfirmert i Røn krk. [10/6-1906\[#2\]](#). Ho budde ved [FT1900](#) i Bergli gnr 75/19 i Vestre Slidre. Same adresse hadde ho ved [FT1910](#), ho budde då saman med foreldra, tre brør og to systre. I tillegg var der sju midlertidig busette, alle elevar «ved [fortsattelsesskolen](#)». Bergli finn de i «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*» [s 710](#).

Barbro var lærarinne ved folkeskulen i [Kirkenær](#) i Grue (i Solør) då ho gifta seg med gard-brukar i Grue, **Harald Olaf Hansen Sund**. Dei tok turen frå Solør til Kristiania og lova kvarandre æveleg truskap i [Vår Frelzers krk. 3/10-1919\[#157\]](#).

Harald Olaf var son til [Hans Arneson](#) og [Olivia Maria Tørrisdtr Mellem](#). Han kom til verda på Sund i Grue 23/10-, dpt i [Grue krk. 25/11-1894\[#73\]](#) og konfirmert i Grue [10/10-1909\[#55\]](#). Han budde på garden [Sund\(Søstua\), gnr 60/1](#) i Grue både ved [FT1900](#) og [FT1910](#). Han er nemnt hjå [MyHeritage](#).

Barbro og **Harald Olaf** var foreldre til sønene **Halvard Alv** f 15/11-1919, dpt [15/2-1920\[#9\]](#), død [11/3-2011](#), gravl. 22/3 s.å. og **Aage Leif** f 11/5-, dpt [7/8-1921\[#48\]](#), død av blodforgifting [2/5-1928\[#8\]](#), gravlagd 10/5 s.å.

Barbro døydd på Sund [9/1-1925\[#2\]](#), gravlagd 17/1 s.å. Dødsårsak var tuberkulose. **Harald Olaf** fekk mange år som enkjemann. Han døydd [31/12-1977](#), gravl 6/1-1978. Heile familien kviler ved Grue krk.

Sund, Søstua
Gnr. 60, bnr. 1. Postadr. Kirkenær i Solør. Tlf. Kirkenær 131.
Sk.mk. 4,74. D. jord 150 daa (sand, mold og kopp-jord), annet jbr. areal 76 daa, prod. skog 1000 daa, annen utm. 266 daa. – Våningshus bygd 1887, drengestue 1907, fjøs 1860, låve m. stall bygd om 1915, stabbur bygd 1893. Brt. kr. 40 000. – Kjøsethsetra. – 3 hester, 12 kyr, 3 okser, 8 ungdyr, 6 griser, 11 sauer, 10 høns. – Sund er nevnt år 1578. Garden har vært i øtta flere generasjoner. Eieren tok over 1932.
Eier: Harald Sund – sønn av Hans A. og Olivia Sund – f. 1894, g. 1919 m. Barbro Bergli (d. 1925).
Barn: Harald f. 1919, Aage 1921 (d. 1928).



Frå «*Norske Gardsbruk : Hedmark fylke*» Oslo 1943, [side 603](#)

Hushaldar hjå tømmerfløytarinspektøren

Ved [FT1910](#) finn vi **Margit Bosheim** frå N. Aurdal son [husholder](#) hjå *Gaardbruker & fløterinspektør Otto Bjørneby* og sonen, *privat læge*, Albert Smith Bjørneby – på [Berger gnr 37/7](#) i Grue.

Teljaren har vel ikkje bedd om å få førenamnet bokstavert, i klokkeboka for Ulnes er ho utan tvil skrive **Marit**. Ho var dotter til [Ola Erikson](#) og [Sigri Olsdtr](#), fødd på Bøsei 18/11-, dpt i Ulnes krk. [26/12-1879\[#24\]](#), konfirmert Strand krk. [3/6-1894\[#6\]](#). Vi finn i [FT1891](#) **Marit** saman med foreldra, fire brør og to systre – samt det gamle brukarparet og ei losjerande, ugift kvinne – på [Bøsei gnr 58/1](#) i Nord-Aurdal herad. Ho var framleis på Bøsei(Bosheim) ved [FT1900](#), då dreiv ho med «*Sydning*».

DISgravminner syner at Marit døydd [31/7-1970](#), gravl Aurdal kyrkjegard 7/8 s.å. Ho er nemnt saman med familien sin på side 89 i «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*» band D.

Berger
Gnr. 37, bnr. 7. P. adr. Kirkenær i Solør. Tlf. Kirkenær 75.
Sk.mk. 1,66. D. jord 93 daa (leirbl. mold), prod. skog 110 daa. – Våningshus og drengestue bygd om 1907 og ca. 1900, uthus bygd 1922, stabbur over 100 år gml. Brt. kr. 66 000. – Seter i Berger seterskog. – 2 hester, 12 kyr, 2 ungdyr, 6 griser, 60 høns. – Far til eieren kjøpte garden 1916. Eieren tok over 1940.
Eier: Birger Baklien, f. 1916, sønn av Halvor Baklien og Kari, f. Luksengård, begge fra Hallingdal. – Eieren er lensmannsfullmechtig i Ringsaker.



Frå «*Norske Gardsbruk : Hedmark fylke*» Oslo 1943, [side 553](#)

Snikkaren held til på Baarderud - men var busett i Kristiania

Då teljaren kom til [Baarderud](#) i samband med folketeljinga 1910 noterte han i papira sine at *snedker* **Ole Haavie** [midlertidig losjerte](#) på Baarderud gnr. 33/1 i Grue herad. Ein finn òg at husfar og *tømmermand* **Ole Haavie** samstundes vart rekna med i [1910-teljinga](#) i [Vossegaten 18](#) på [Torshov](#) i Kristiania saman med familien sin.

Bryggearbeider **Ole Haavie** gifta seg i [Paulus krk.](#) i Kristiania [5/6-1896](#)^[#37] med **Hilda Lovise Larsen**. Dei vart oppførte i avsnittet for «*viede dissenterer*». Forlovarar var storebror til brudgommen *snedker* Tollef Haavie, Markveien 33 og Knud Næss, Apothekergd. 3. Det vart notert at «*Brudgommen utmældt 2/6-96*»(frå statskyrkja).

Ole var fødd på Høvseige i Rogne sokn 20/8-, døypt i [Rogne kyrkje 8/10-1871](#)^[#39] og konfirmert i Torpa(sokn i Nordre Land prgj.) [6/11-1887](#)^[#22]. Ved [FT1875](#) budde han i lag med foreldra, [Bendik Tølleivson](#) og [Sigri Olsdtr](#) samt syskena [Tollef\(Tølleiv\)](#)f 1869 og [Bendik](#) f 1874. «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» band B nemner [Tollef\(Tølleiv\)](#) på [sidene 280 og 281](#) (Brøtin eller Hølet). Les de omtala av denne husmannsplassen vil de sjå at Kari Olsdtr, farmor til **Ole**, var god til å laga rim.

Hilda Lovise var dotter til *snedker* [Anton Larsen](#) og [Inger Johanne](#) Hansdtr. Dei var båe frå [Kvelde](#) sokn i Hedrum.. **Hilda Lovise** kom til verda 20/5-, dpt i Larvik prgj, [27/5-1875](#)^[#145]. Ho budde ved [FT1875](#) i gaard nr 232 i Larvik – saman med foreddra og systera Hanna f 1873.

Ved [FT1900](#) budde **Ole** og **Hilda** i [Tværbacken 3](#), Torshov i Kristiania. **Ole** vart då «*Innredningssnedker*». Dei hadde då borna **Bendik**(1897), **Aslaug**(1898) og **Stefan Ingvar**(1900). [FT1910](#) har desse borna registrert: **Bendik** f 1/3-1897, **Aslaug** f 10/4-1898, **Ole** f 15/7-1905 og **Stefan** f 31/8-1906.

Assortert Landhandler på Tjura, Namnå i Grue

[FT1900](#) fortel at **Ole S Semelenge** frå V Slidre,Valders er landhandlar på [Tjura](#) gnr 42/92 i Grue. Han vart samstundes [registrert](#) på [Kjølen nedre](#) gnr 97/1 i Åsnes kommune.

Ole var fødd i [Semeleng](#), Røn sokn i Vestre Slidre 30/8-, dpt i V Slidre prgj. [7/11-1875](#)^[#84]. Foreldre var [Sevat\(Sigvat/Sevald\)](#) Eivindson og [Sigrid Olsdtr](#) som gifta seg [9/11-1867](#)^[#15]. «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*» nemner familien på [side 593](#) (Mitre Semeleng gnr 64/2). - Oldefaren vart skriven [Sever](#) ved [dåp](#)^[#137], [Sevald](#) ved [konfirmasjon](#)^[#4] og [Sevat](#) ved [FT1801](#). ([GENIprofil](#))

Familien budde ved [FT1875](#) på Semelinge nedre og Holden lno 131a & 127b i Vestre Slidre prgj. [Semelinge gnr 64/2](#)^[#43] var adressa ved [FT1891](#) - ([Husliste](#)). **Ole** vart konfirmert [24/5-1891](#)^[#4]. Han hadde då syskena Marit f [1869](#), Marit f [1870](#), Eivind f [1873](#), Randi f [1878](#) og Sigvat f [1882](#).

Eg kan ikkje sjå at **Ole Semelenge** har fått notert noko utflyttingsattest, men som før nemnt – han er komen til Grue/Åsnes ved FT1900. På Kjølen nedre var han [Handelsbetjent](#) hjå landhandlar og gardbrukar Mathias Andreasen Lie. Her var òg to andre betjentar samt ein bakarsvein og ein vedhoggar. Det gjekk nok med ein del ved til bakaromnane.

Så har **Ole** vorte kjend med ei jente frå Namnå, **Olea Augusta Martinsdtr**. Ho var dotter til inderstparet [Martin Gunderson](#) Haug og [Elise Othilie](#) Kristiansdtr, fødd på [Ommestad](#)slet 31/12-1888, dpt [Hof krk.](#), Åsnes [10/2-1889](#)^[#4], konfirmert Hof krk. [4/10/1903](#)^[#25]. Ho var ved [FT1900](#) tenestjente i kreaturstel hjå Elen og Otto Rolsdorff på Kværne gnr 48/1 i Grue.

Olea og **Ole** (Landhandler, Namnå) gifta seg i [Vinger krk.](#) [9/9-1906](#)^[#14]. Innført òg i [Hof krk](#)^[#0]. Dei fekk borna **Sverre Monthei** f Namnå 19/1-, dpt Grue [24/2-1907](#)^[#4]. **Trygve Reidar** f Grue 22/2-, dpt Nes krk, Romerike [16/4-1908](#)^[#33] og **Margrete Synnøve** f *Navnaaen* 23/11-1909, dpt Grue krk. [24/3-1910](#)^[#21]. Familien budde ved [FT1910](#) på Sæmelenge [gnr 7/31](#) i Grue kommune. **Ole** kjøpte denne eigedomen i oktober 1905 og selde vidare med skjøte tinglyst mai 1907, seier [panteregisterside 339](#).

Hjå DISgravminner finn eg at **Ole Semelenge** døydde [9/10-1950](#), gravlagd på Ski kirkegård. Her deler han gravstein med **Inga**, død 29/9-1969.

Skoleholder i Tjuren skolekrets, Grue

Ministerialbok nr. 6 syner at **Lars Andersen Thune**, 28 år gamal, [29/10-1863](#)^[#3] fekk utflyttingsattest frå Vang prgj. med reisemål Grue prestegjeld. Der var han tilsett som [skoleholder](#). Han vert nemnt i «*Grueboka 1: Bygda*» på [side 426](#).

Lars kom til verda 27/1- og vart døypt i [Vang stavkyrkje? 13/3-1836](#)^[#36], konfirmert i Vang prgj. [27/6-1851](#)^[#1]. Han var son til [Andris Ivarson](#) og [Berit Nilsdtr.](#) «*Gardar og slekter i Vang*» band A plasserer på [sidene 636/637](#) familien på [Nørre Tune\(Nordigarden\) gnr 36/2](#) i Vang kommune. Det ser ut til at han var det 6. barnet i ein syskenflokk på 11.

Skulehaldaren har nok, ved sida av å vera pedagog, også sett på ungjentene i området. Han hadde truleg fridd innan han søkte om å få utflyttingsattest. [18/11-1863](#)^[#43] gifta han seg i [Grue krk.](#) med **Maren Elise Johannesdtr.**

Ho **Maren Elise** var dotter til kyrkjesongar [Johannes Nilson](#) og kona [Eli Hansdtr.](#), fødd på [Mosegreen i Grue](#) 10/8-, dpt i Grue krk. [20/9-1829](#)^[#82], konfirmert Grue krk. [6/10-1844](#)^[#1]. På Mosegreen budde ved [FT1865 sorenskrivar Wilhelm Josias Bech Fietzentz](#), døypt i Vang stavkrk. [14/7-1802](#), son til *Lieutenant hrr Adam Bech.*(Gamalt frå Valdres bd. 7) [GENIprofil](#)

Lars og **Maren Elise** vart foreldre til: **Berit Elida** ^A f 20/1-, dpt Grue krk. [2/4-1865](#)^[#50], konf Grue [5/10-1879](#)^[#4]. **Anders Johannes** ^B f Tjura 16/3-, dpt Grue [15/7-1866](#)^[#142], konf Grue [2/8-1881](#)^[#1]. **Emma Lovise** ^C f Tjura 16/3-, dpt Grue [9/5-1869](#)^[#57], konf Grue [30/9-1883](#)^[#1]. Familien budde ved [FT1865](#) på Grue skolegaard, Tjuren krins. [FT1875](#) fortel at dei då budde på [Bergeraasen](#) lno 103a i Grue prgj. **Lars Thune** selde «en Sætervold i Bergersæteren med huse og Rettigheter» for. 150 kroner til O Olsen Husebye med [skjøte datert 1885, tinglyst 1/3-1886](#).

«*Svulst i maven*» vart notert som dødsårsak då **Maren Elise** døydde, på [Bergeraasen 16/10-1887](#)^[#35]. Ho vart gravlagd ved Grue krk. 24/10 s.å.

Ved [FT1891](#) finn vi **Lars** på Aasen(Bergeråsen) [[Husliste15](#)] saman med dottera [Emma](#), vikarierende lærer Nils T Tryting f 1869 frå Vik i Sogn, gardsgut Hans Olsen f 1868 og budeia Gustave Hansdtr Kamphaugen f 1875. - Lærar **Lars Thune** dødde på [Torderud](#) i Grue [7/2-1898](#)^[#5]. Som dødsårsak vart skrivne *Nærve-svaghed*. Han vart gravlagd/jordfesta ved Grue krk. 16/2 s.å.

Berit Elida ^A finn vi ved [FT1900](#) busett på Grini søndre og nordre gnr 47/10 i Bærum. Ho var då «Hjælpesøster» og hadde «*Tilsyn med Kvindehjemmets lemmer*». [Emil Sigvart Hauge](#) f 1857 i Kråkstad g.m. Inger Marie f 1859 i Kråkstad var «*Prest ved Landsfengslet og Forstander for Kvinde-hjemmet*».

Knut gifta seg i Hamar – paret budde i Grue - han flytta til Åsnes

Mina Andreasdtr Saugstad og **Knut Arneson** lova kvarandre evig truskap og tok steget inn i ekteskap i Hamar Domkyrkje [9/6-1896](#)^[#18]. Paret vart òg innført som ektefolk i [Ringsaker kb](#)^[#0]. **Knut** var då vegarbeidar med bustad på [Saugstad](#), **Mina** var tenestjente på same stad.

Foreldra til **Mina** var husmannsparet [Andreas Jensson](#) og [Johanne Pedersdtr.](#) **Mina** var fødd på Vengsholeige 10/9-, dpt Ringsaker krk. [7/11-1875](#)^[#28], konf Ringsaker [5/10-1890](#)^[#22]. Ho budde ved [FT1875](#) på Englien lno 65a,c&d i Ringsaker.

Knut var son til [Arne Olson](#) og [Guri Knutsdtr.](#) Han vart fødd på [Skøreige](#) 20/12-1862, døypt i [Skrautvål krk.](#) [18/1-1863](#)^[#8], konfirmert [17/7/1877](#)^[#29]. [FT1875](#) syner at han budde saman med foreldra og småsyskena Peder og Barbro i Braatepladsen lno 85a i Nord-Aurdal.

Mina og **Knut** budde i Englien då dei vart foreldre til ei jente 29/9-. Ho fekk i Ringsaker krk. [18/10-1896](#)^[#67] namnet **Gudrun**.. «*Snedker for egen regning*» var yrket til **Knut** ved [FT1900](#). Han budde då på [Sandstad](#) gnr 80/9 i Grue saman med dottera **Gudrun** og kona **Mina**. - Ved [FT1910](#) finn vi at **Knut Arnesen** Braaten var enkjemann og «*Træarbeider ved broanlæg*». Han losjerte på Lillerønningen gnr [97/11 i Åsnes](#).

Vognmannen på Askovberget

No tek vi turen til Grue kyrkje i Solør, ein måndag på etterjulsvinteren 1874. - Men her lyt eg berre slå til med ein digresjon; 52 år tidlegare hadde [gamle Grue kyrkje brunne til grunnen](#) og minst 113 folk omkom i brannen. Etter denne tragedien kom ei lov om at alle dører i offentlege bygg skulle ha slagretning utover. Den [nye kyrkja i Grue](#) vart innvigd 28/9-1828. Kyrkjetomta vart då flytta til [Kirkenær](#) sentrum.



Foto: OHF 6/8-2012

Måndag (iflg [Bauers kalender](#)) [9/2-1874\[#4\]](#) gifta *pige, gmdr Anne Olsdtr* frå [Askovberget](#) på Finnskogen seg med ungkar, gardmannson **John Gudmundson** frå [nørre Remme](#) i *Vang i Valdres*. Forlovarar var *Ole Kongsgaarden* og *Thorsten Askovberget*.

Anne Olsdtr var fødd på Askovberget 16/5, dpt i Grue krk.. [10/6-1849\[#118\]](#), konfirmert i Grue krk. [4/10-1863\[#23\]](#). Ho vart då ført oppunder aavsnittet «[Finneungdom i Grue](#)». ‘Sorteringssamfunn’ har vi nok hatt på mange måtar gjennom tidene!» Foreldra til **Anne** var sjølveiger [Ole Mathisen](#) og [Kjersti Marhisdtr](#). Familien vart ved [FT1865](#) registrert busett på Askovberget lno 144a i Grue Prgj. Her budde Anne saman med foreldra, tre brør, ei syster, to tenestjenter, ein tenestgut og føderådsmannen Henning Gulliksen.

John Gudmundson var son til [Gudmund Jonson Remme](#) og [Guri Torsteinsdtr](#) frå [Ellingbø](#). Han var fødd 8/4-, dpt i [Vang krk.](#) [29/4-1849\[#39\]](#), konfirmert i Vang krk. [26/6-1864\[#8\]](#). [FT1865](#) syner at familien budde på Remme lno 72. (gnr 65/2 i «[ny matrikkel](#)»). Her finn vi «*vesle*» **John** saman med foreldra og fem yngre systre, besteforeldra dvs. «*gamle*» **John Gudmundson** og **Anne Kristoffersdtr**, farbroren **Kristoffer Johnson** og tenestjenta **Sigri Knutsdotter**. **John** vert nemnt på [side 198](#) i «*Gardar og slekter i Vang*» band B.

I boka «*Gamalt frå Valdres 1*» fortel [O. K. Ødegaard](#) m.a. historia om då far til **John, Gudmund Johnson**, var på vitjing hjå farbror sin, **Ola Gudmundson**, i Kristiania. Han fekk vera med å helse på [Henrik Wergeland](#). Resultatet av denne vitjinga vart diktet/visa «[Vallersen Gudmund Johnsen Remmen te kjæresten sin Berit Larsdatter Wangensteen](#)». At visa ikkje førte fram til noko ekteskap – sjølv om ho vart prenta i «[Morgenbladet](#)» - det er ei anna sak ! - Eg tek her med eit par avsnitt av O K Ødegaard sitt stykke «*Henrik Wergeland o Valdres*».

Ein mann i fraa Vang so eitte Ola Remme va busett i by'n, o han va øfto isamen me Wergeland, baade heime hjaa hono o hellist. Denne Ola'n skulde være ein gjild pratemakar o ein gløgg kar, o de e sikkert so, at Wergeland taa hono ha faatt veta mykji um Valdres, o eit o anna, so hadde hændt heruppe. De va ventele taa hono Ola Remme, Wergeland hadde lært se noko taa Valdresmaale.

Ei gaang va broson hass Ola, han Gudmund Remme, i by'n paa martnae, og han Ola tok'n me se ein dag upp te Wergeland. Han Gudmund saag gøtt ut, o va mest likeso go te svalle før se so fabro sin, og han Ola fortælde daa Wergeland, ko kar han Gudmund va. Han skulde ha den store färs-garn, o no gjek'n o fridde te døtte aat sjølve Vangs-lesmanne, so va den finaste o rikase gjenta i heile Valdres. O no laut daa han Gudmund te o fortælja eitt o anna um denne friskapen, o han fortælde daa um lesmann o ho Berit, o um Kvam o Hugakøll'n o den fine Hugastølen, der ho Berit va um sumaradn. Men so mykji fekk Wergeland ut taa desse, at den gamle lesmann Wangensten inkji va so snøgg te o sleppe ho Berit over Mjøse te Remme, o daa Wergeland va eit gommenne, so vilde'n gjedne hjelpe te, at desse tvu kunna faa ina'n. Han Gudmund visste nok inkji um, ko Wergeland vilde giæra.

Men no lyt vi attende til han **John Gudmundson**. Vi finn at **Anne** og **John** vart foreldre til ei dotter 15/8-1874. Ho vart fødd på [Øverby, Vestre Toten](#) og døypt med namnet **Kirsti** [1/11-s.å.\[#142\]](#). Vi finn henne som konfirmant i [Revholt kapell](#) (Grue Finnskog krk.) [3/11-1889\[#1\]](#). - Familien budde ved [FT1891](#) på *Remmen* gnr 113/1 i [Helgeberger](#) & [Vålberget](#) teljkrins i Grue herad; Husliste 10. Her finn de òg 'Personskjema' for [John](#); [Anne](#) og [Kirsti](#). **John** var då «*Vognmand*» og *Skydser Reisende*.

I [FT1900](#) vart *Remmen* notert som [gnr 113/8](#) i Grue kommune (Grue Finnskog). **John** vart då skriven *Jordbruger Selveier*. Han vart skriven *Gårdbruger* ved [FT1910](#), då hadde han og **Anne** tenestjenta Karen Olsdr. Her budde òg systrene Marta og Helga Furuberg, dei dreiv «*kaffeudsalg og logi for reisende*». - DISgravminner syner at **Anne Remmen** døydde [6/5-1915](#) medan **John Remmen** døydde [20/2-1936](#). Dei kviler ved Grue Finnskog krk.

Dottera **Kirsti** gifta seg i Trefoldighet krk. i Kristiania [6/1/1907\[#2\]](#) med landhandlar på Jessheim, **Johan Edvard Nordstrøm**. Han var son til bokbindar [Johan Norstrøm](#) og [Anne Sofie Andersen](#). Dei var båe fødte på den svenske sida av riksgrensa. **Johan Edvard** kom til verda i Kongsvinger 13/9-1880, dpt i [Vinger krk.](#) [26/12 s.å.\[#226\]](#), konfirmert Vinger [29/9-1895\[#10\]](#). Vi finn familien ved [FT1885](#) i Storgaden 12, Kongsvinger kjøpstad. I [FT1900](#) var **Johan Handelsbetjent** hjå storebroren [Aksel Nordstrøm](#), *Handelsbetyrer* på Finstad gnr 113/9 i Grue(Finnskog). [Aksel](#) var forlovar til **Johan Edvard**.

Kirsti og **Johan Edvard** fekk borna **Åse** f Kristiania 22/7-1907 og **Johan** f Ullensaker 30/5-, dpt [Hovin krk.](#) [30/5-1909\[#12\]](#). Familien budde ved [FT1910](#) på [Gjestad](#) gnr 135/58 i Ullensaker. Det ser ut til at desse folka er med i ei [slektsoversikt hjå «My Heritage»](#).

Kva var så årsaka til at vi fann han Jon på Finnskogen ? – Her trur eg vi lyt starte ein ny stubb, denne gongen om **Ola Oveson**, son til Berit Jonsdr Remme, faster til Jon Gudmundson.

Almueskolelærer og kirkesanger på Grue Finnskog

Ola Oveson var son til [Ove Vilhelm Olson](#) Kvåle og [Berit Johnsdr](#) Remme. Han kom til verda på Kvåle 31/1-, dpt [Vang krk.](#) [22/2-1845\[#16\]](#), konfirmert Vang [23/6-1861\[#1\]](#). Han vart registrert ved [FT1865](#) på Kvåle, løpenr 29a i Vang prgj. - «*Gardar og slekter i Vang*» band A, [side 667](#), plasserer **Ola Oveson** på Kvåle Uppågården, [gnr 38/3](#) i Vang sokn, Vang prgj.

Han **Ola Oveson** har nok fått læraropplæring. Han vart skriven *Almueskolelærer og Gaardbruger* ved [FT1875](#). Bustad var då [Granberget](#)(Braaten) løpenummer 80p & 81p. Då **Ola** gifta seg i Grue prgj. [10/4-1871\[#6\]](#) med **Anne Olsdotter** Furuberget vart det notert at han hadde «*Opholdsted Furuberget*». – Her hadde nok skulelæraren kome til dekkja bord! «*Grueboka:Finnskogen : gards- og slektshistorie*» syner på [side 609](#) at **Ola** kom til Grue i 1966.

Anne Olsdotter var fødd på Furuberget under Sjelver 11/11-, døypt i Grue [30/12-1849\[#309\]](#). Ho vart konfirmert i Grue krk. [11/9-1864\[#30\]](#). Foreldra hennar var [Ole Olsen](#) og [Olea Jakobsdr](#). Frå [FT1865](#) ser ein at familien var sjølveigarar, [Ole](#) er òg skriven *Frihandler*. (handel utan fast utsalgsstad?)

Anne og **Ola** vart foreldre til: **Berit** [A](#) f Furuberget 27/1-, dpt Revholt kpl. [10/3-1872\[#35\]](#), konf Revholt [19/12-1886\[#1\]](#). **Olea** [B](#) f 11/9-, dpt Revholt [5/10/1873\[#139\]](#), konf Revholt [28/10-1888\[#1\]](#). **Anna** [C](#) f Granberget 7/10-, dpt Revholt [7/11-1875\[#171\]](#), konf Revholt [2/11-1890\[#2\]](#). **Olaf Vilhelm** [D](#) f Granberget 30/10-, dpt Revholt [25/11-1877\[#176\]](#), konf Revholt [30/10-1892\[#1\]](#). **Maren** [E](#) f 26/4-, dpt Revholt [17/5-1880\[#85\]](#), konf Revholt [4/11-1894\[#1\]](#). **Ove Jacob** [F](#) f Granberget 5/3-, dpt Revholt [10/4-1884\[#36\]](#), konf Revholt [30/10-1898\[#1\]](#). **Karen Elise** [G](#) f Granberget 25/4-, dpt [14/6-1891\[#39\]](#). Familien budde ved [FT1891](#) på [Granberget gnr. 114/6](#) i Grue kommune. (Husliste) [teljkrins 13](#), Hush. #55.

Ola Oveson døydde på Granberget [7/5-1896\[#3\]](#). Han vart gravlagd ved Revholt kpl. 19/5 s.å. Enkja, **Anne Olsdr**, fekk iflg. Panteregister nr. VI [uskiftebevilning 7/1-1910](#). Ved [FT1900](#) budde ho saman med døtrene **Anna** [C](#), **Maren** [E](#) *haandgjerningslærerinde*, **Karen Elise** [G](#) og dottersonen **Albert** [Cl](#) f 25/7-, dpt Revholt [11/8-1895\[#17\]](#). Far hans var handelsfullmektig **Emil O Røhne** frå Kongsvinger. Det er vel han vi finn på [Svensmoen](#)(Austmarka) gnr 67/1 i Vinger ved [FT1900](#). Ei byste a tril minne om **Ole Qvale** finn de ved Svullrya skole. [Bysta vart avduka 11/9-1980](#).

Framme ved [FT1910](#) er **Olaf Vilhelm** [D](#) *Gårdbruger*. På garden finn vi elles mora, **Anne Ols-dtr**, **Karen Elise** [G](#) og sonen **Albert** [Cl](#) samt tenestjenta Thea Pelsholen og sonen Olav Johanneson.

Olea ^B gifta seg [28/12-1903\[#63\]](#) i Fagerborg krk., Kristiania med [handelsreisende Johan Knutsen Sveen](#). Han var son til postfører [Knut Olsen Aakjernsholen](#)(1842) og [Petronelle Jensen](#)(1847), fødd 30/1-, døypt [Løten krk. 9/4-1876\[#36\]](#), konfirmert Løten 5/10-1890[#28]. Han fekk flytteattest med reisemål Kristiania 5/12-1903. **Olea Sveen** finn vi i [FT1910](#) på Lillo landhandleri, [gnr 169/17](#) på Østre Toten saman med sonen **Knut** ^{B1} **Sveen** f 23/12-1905, dpt Hoff krk. [18/3-1906\[#14\]](#), konfirmert Hoff krk. [3/10-1920\[#12\]](#), då skriven [Knut Seierstad](#). Olea hadde skilt seg og gifta seg [7/2-1912\[#3\]](#) oppatt med Martinus Seierstad – DISgravminner fortel at **Olea** døydde [13/2-1950](#).

Olaf Vilhelm ^D gifta seg i [vor Frelzers krk.](#) i Kristiania (Oslo Domkirke) [25/6-1912\[#91\]](#) med **Frida Katarina Mattson**, dotter til gardbrukar [Lars Mattson](#), f 1882 i Hafverø församling, Västnorr-lands Län i Sverige. - Dei fekk borna **Lars Olav Ivan** ^{D1} f 8/4-, dpt Revholt [1/6-1913\[#10\]](#), død [2/3-1994](#), gravl. 11/3 s.å. og **Hjørdis Anna Karoline** ^{D2} f 15/9-1916, død [18/2-2011](#), gravl 25/2 s.å. - **Olaf Vilhelm** ^D døydde [20/11-1959](#), gravl 27/11 s.å. **Frida** døydde [19/8-1970](#), gravl 26/8 s.å. Heile familien kviler ved Grue Finnskog kyrkje.

Maren ^E starta i Revholt kpl. [21/10-1904\[#2\]](#) ekteskap med **Auen A Wiger**, styrar av Løvstuhaugen Bruk. Han var fødd på [Vikertangen](#) i Modum 1/10-, dpt [Heggen krk. 23/10-1871\[#144\]](#), konfirm. Heggen krk. [3/10-1886\[#49\]](#). Foreldra hans var gardbrukar [Anders Hansson](#) og [Karoline Auensdtr](#). Dei finn vi saman med sønene Hans, Auen og Oluf ved [FT1875](#), busette på Tangen løpenr. 55c i Modum. Ved [FT1900](#) var **Auen** *bestyrer av skogeiendom og sagbrug* og budde på Løvhaugen [gnr 111/1](#) i Grue. Han var *skogs- og gaardsfuldmæktig* for Kindelsrud gnr 32/1 ved [FT1910](#). Men familien budde nok framleis på Løvhaugen. Dei hadde då tre born, **Ruth** ^{E1} f 10/9-, dpt Revholt kapell [5/11-1905\[#11\]](#). **Åse** ^{E2} f 22/2, dpt Revholt [1/4-1907\[#6\]](#). **Anne** ^{E3} f 9/9-, dpt Revholt [1/11-1908\[#21\]](#), Dottera **Gunvor** ^{E4} vart f 9/6-, dpt Revholt [1/11-1911\[#7\]](#). **Einar** ^{E6} f 11/11-1917, død [6/8-1996](#), gravl. Grue Finnskog krk. Han var m.a. [heradskogmeister i Grue](#).

Granberget

Gnr. 114, bar. 6. Postadr. Grue Finnskog.
Tlf. Grue Finnskog 6.

Sk.m.k. 0,53. D. jord 35 daa (morene), annet jbr. areal 35 daa, prod. skog 1500 daa. – Våningshus bygd 1925, drengestue ca. 1860, låve 1880, fjøs og stall 1925, 2 stabbur 1850 og omkr. 1900, smie 1930. Brt. kr. 50000. – 1 hest, 6 kyr, 2 ungdyr, 1 gris, 20 høns. – Garden er ca. 100 år gammal. Den har vært i ætta ca. 75 år. Eieren tok over 1909 etter svigermoren, Anne Qvale.

Eier: Auen A. Wiger – sønn av Anders og Karoline Wiger – f. 1871, g. 1904 m. Maren Qvale. Barn: Åse, Anne, Gunvor, Leif, Einar.



Frå «Norske gardsbruk: Hedmark fylke 1»

«Grueboka – Finnskogen – gards- og slekts historie» syner at det var ein gut til **Leif** ^{E5}, i sysken flokken. - «Norske gardsbruk: Hedmark fylke 1» fortel på [side 565](#) at **Auen Wiger** overtok Granberget gnr 114/6 frå svigermora i 1909. I Panteregister VI for Grue, [side 459](#), ser det ut til at **Olaf D** tok over i 1909 og skjøta vidare til svogenen **Auen Wiger** i 1917.

DISgravminner opplyser at **Gunvor** ^{E4} døydde [5/4-1999](#). Ho deler gravstein med **Kristian Sofus Pederson Edsberg**. Han vart fødd på [Edsberg](#)(Esper) i Vinger 14/7-, dpt i [Vinger krk. 4/8-1901\[#20\]](#), konfirmert i Vinger krk. [3/10-1915\[#13\]](#), død [19/12-1984](#). Han var ved [FT1910](#) busett på [Eds-berg øvre gnr 39/10](#) i Vinger saman med foreldra, [Peder Kristianson](#) og [Lotte Pedersdtr](#) samt brørne Emil og Palmar. **Gunvor** og **Kristian** er gravlagde ved Grue Finnskog krk. Dei er med i ein [GENI-profil](#) som [ulik](#) mange av det slaget har hyperlenka referansar til primærkjeldene.

Ugift arbeidar **Ove Jacob Qvale** ^F reiste frå Kristiania [18/4-1902](#) med reisemål Minnesota. «Free Census» for 1910 finn ein Qvale i Minneapolis Ward 8, Hennepin, MN. **Ove Jacob** er registrert i «Slektsider for familiene Skibakk og Høgberg». Denne basen fortel at [kona hans heitte Gerda](#).

Ei [Karen Elise Lindstad](#) (24/8-1891 – [3/10-1986](#)) er gravlagd ved Grue Finnskog krk 9/10-1986. Om dette er dottera til Anne og Ove kan eg ikkje gje prov på.

Lærer ved Kirkens skole og kyrkjesongar i Grue

Karen vi skal sjå litt nærare på i denne stubben, **Tore Maanum**, vert [nemnt som teljar](#) i «*Kirkens Kreds*» i Grue herad, saman med I Heydal. Teljar i Bjerke krins, **A Thune**, kjem i neste stubb.

Foreldra til **Tore** var [Henrik Toreson](#) på [Månemarken](#) og [Kristine Julsdtr](#) frå [nerre Disrud](#). Han hadde syskena [Anne\(1867\)](#), [Jul\(1874\)](#) og [Åste\(1879\)](#). Han vart fødd 28/9-, dpt i [Aurdal krk.](#) 12/11-1871[#150], konfirmert Aurdal [30/5-1886\[#3\]](#). Familien vart registrert med bustad Maanum lno 235a &234b ved [FT1875](#). **Tore** var firmenning med både farfar og morfar til stubbskrivaren.

Tore gifta seg i [vor Frelser krk.](#) i Kristiania 28/7-1893 med **Guri Hermandstr** frå Reinli. Ho var fødd i [Navrud](#) 17/3-, dpt i [Reinli stavkrk.](#) [6/5-1869\[#9\]](#), konf Sør-Aurdal [20/4-1884\[#32\]](#). [FT1875\[#3\]](#) syner at ho budde i Navrud(*Kval søndre*) løpenr. 375c i Sør-Aurdal saman med foreldra, [Herman Sjugurdson](#) & [Kari Andersdtr](#) og syskena [Ragnhild\(1865\)](#) og [Sigurd\(1875\)](#). «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band A har omtale av familien på [side 209](#). Lat meg legge til at mest alle av dei som fekk førenamnet Herman, i Bagn- og Reinli sokn, ættast frå ein Herman som kom frå indre Sogn før år 1700. Sjå «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band A - [side 228](#).

Guri og **Tore** var i alle fall komne til Grue innan våren 1899. Sonen **Henrik Sigurd** [A](#) vart fødd på Kirkenær skole 28/5-, dpt [Grue krk.](#) [9/7-1899\[#30\]](#), konfirmert Grue [4/10-1914\[#1\]](#). Sonen **Herman Ragnvald** [B](#) kom til verda på [Fødselsstiftelsen i Kristiania](#) 7/10- og vart døypt der [20/10-1900\[#474\]](#). Han vart berre knappe to månader gamal, han døydde [20/11-1900\[#33\]](#), gravl Grue 24/11 s.å. *Medfødt svagهد* var notert dødsårsak.

Berre ein knapp månad seinare får familien atter vitjing av [mannen med ljåen](#). **Guri Maanum** døydde av [tæring](#) [11/12-1900\[#52\]](#) og vart gravlagd ved Grue krk, 22/12 s.å. [FT1900](#) syner at Gunhild Nilsdtr Røang([1881](#)) frå Reinli var tenestjente for familien. Framme ved [FT1910](#) finn vi framleis **Tore Maanum** på Kirkenær skole, her er òg mor hans, [Kristine Julsdtr](#), sonen **Henrik Sigurd** [A](#) og tenestjenta [Anne Skrinrud](#) frå Nord-Etnedal sokn f [4/1-1880\[#23\]](#).

Tore Maanum døydde iflg DISgravminner [25/9-1942](#), gravlagd ved Grue krk. 15/7 s.å. **Henrik** [A](#) kviler i same gravnummer med dødsdato [7/7-1980](#), gravlagd 15/7 s.å.

Ei av 'Tore Måno' sine kjenningar siterte etter han: «*Tatern – dæ æ bra folk – dæ !*» Han hadde dei vel i skulestova både haust, vinter og vår – og visste såleis kva han prata om. - På [side 427](#) i *Grueboka 1* : *Bygda* er det eit bilete av lærarane kring 1900. **Tore** er 4.mann frå venstre i bakre rekkja.



På ein tur i Solør 6/8-2012 køyrde eg innom Grue kyrkjegard. Eg kom i prat med ein av arbeidskarane på kyrkjegarden, han slo opp i gravprotokollen og fann kvar kyrkjesongar Tore Måno og familien hans var gravlagde. Her syner han kvar dei fann siste kvila si. (grava var sletta)

Læraren ved Bjerke skole i Grue i år 1900 var Vangsgjelding

Skolelærer var yrket til **Anders T Thune** både ved [FT1865](#), [FT1875](#) og [FT1900](#). Ved den siste teljinga hadde han ansvaret for krins 10, Bjerke. Eg vil tru at det er handskrifa hans vi set m.a. på [ut-drag av personlistene](#).

Anders (eller *Andris* som Valdres bygdebok likar å skrive det) kom til verda på [Midtre Tune](#) 12/2-, dpt Vang krk. [17/4-1843](#)^[#47], konfirmert Vang [20/6-1858](#)^[#3]. Foreldra hans var [Trond Nilson Stele](#) og [Berit Andersdtr](#) frå [Hamre](#). Familien er opplista på [sidene 632/633](#) i «*Gardar og slekter i Vang*» band A. **Anders** var farbror til lagtingspresident Helge Thune.

Bustad ved teljingane er skrive på ulike måtar, *Grue Commune* løpenr 237f (1865) – *Bjerke skole* løpenr 237f (1875), *Børke Kommunen* (1891) og [Bjerke skole gnr 88/5](#) (1900).

I [FT1891](#) vart han skriven *Almenskolelærer* med bustad «Kommunens hus» ([Personseddel](#)). [Karen Gundersdtr](#) f 1851 var tenestjente; «*Hjelper til med Husgjerning og Kreaturstel*». Ved [FT1900](#) hadde han [Karen G Rensmoen](#) f 1851 Grue som *stuepige* og [Olivia Olsdtr](#) f 1874 i Grue dreiv *Kreaturstel og husgjerning*.

Framme ved [FT1910](#) finn vi *Fhv folkeskolelærer Kapitalist Anders Trondsen Thune*. Han budde då hjå halvsystemer si, **Berit** ([f.13/7-1851](#)^[#67]). Ho var gift med [Nils Olson](#) på [Opsal søndre](#) gnr 195/1 på Østre Toten.

Anders døydde på Opsal [17/2-1916](#)^[#2], gravlagd på Vang kyrkjegard, Grindaheim 1/3 s.å.



Læraren ved Bjerke skole i Grue i år 1910 var frå Nord-Aurdal

[FT1910](#) for Grue kommune syner at **Knut Næss** frå Nord-Aurdal var *Folkeskolelærer* og budde på *Bjerke Skolehus* i Bjerke og Nes teljekrins. Om han tok over etter [Anders Thune](#) – eller om det var nokon mellom dei, det bør vi nok ha tak i skuleprotokollane for å få vita. Ved teljinga budde **Knut** saman med kona [Tora](#) og dottera [Aslaug](#). Dei hadde [Emma Edwardsdtr Smestad](#)([1895](#)) som tenestjente.

Knut var son til [Knut Syverson](#) Nes og [Anne Arnesdtr Svenes](#). Han var f på [Nes](#) 12/12-, døpt i [Strand krk.](#) [31/12-1871](#)^[#168] med faddrar frå Strønd, Sus, Nes og Kjøneseige. [FT1875](#) viser **Knut Nes** (*Knud Knudsen*) på Næs løpenr. 202 i Nord-Aurdal prgj. saman med foreldra og syskena [Syver](#)(1857), [Arne](#)(1859), [Ingri](#)(1862), [Anne](#)(1866), [Marit](#)(1869) og [Nils](#)(1875). - **Knud Knudsen Næs** vart konfirmert i Strand krk. [6/6-1886](#)^[#3]. Han vert firmenning med ein av mine fire oldefedre. «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*» band D side 377 plasserer familien på Nedre Nes [gnr 66/2](#).

[FT1900](#) syner at **Knud Knuts Næss** då var *Folkeskolelærer* og budde på midtre Leira gnr 85/8. Han gifta seg i [Vår Frelzers krk.](#)(Oslo Domkrk.)[16/5-1908](#)^[#58], (innf. [Grue med #0](#)) med **Tora Syversdtr Lunde** f i [Rustøe i Reinli sokn](#) (gnr 1/8 i Sør-Aurdal) 7/1-, dpt i [Bagn krk.](#) [9/3-1879](#)^[#13], konfirmert i Torpa sokn, Nordre Land prgj. [8/10-1893](#)^[#24]. Foreldra til **Tora** var [Syver Mikjelson Rustøe](#) og [Gjart-rud Eriksdtr øvreRøvling](#). Familien flytta til [Lunde gnr 55/1](#) i Torpa [i.kr. 1897](#). [Gjartrud](#) var havvsyster til stubbskrivaren sin farfar.

Tora og **Knut** fekk dottera **Aslaug** f Bjerke skolehus 27/1-, dpt Grue krk. [13/3-1910](#)^[#12], konf Grue [12/10-1924](#)^[#30].

Lærer **Knut Næss** døydde på Bjerke skole [14/5-1923](#)^[#10], gravlagd./jordf. v. Grue krk. 26/5 s.å. Det vart notert at dødsårsak var «*Hjertefeil*». Hjå DISgravminner finn vi at **Aslaug Kristiansen** f 27/1-1910 døydde [23/12-1989](#), gravlagd v Nesodden krk. 6/9-1990. Med same gravnummer finn vi [Rolf Kristiansen](#) (1917-1978).

Seminaristen frå Aurdal gifta seg i Hof krk. i Solør

Denne karen ser ut til å vera den fyrste læraren frå Valdres som kom til Solør. **Tore** var den nest eldste i syskenflokket til Anne Toresdr Hjelle og Jul Olson, fødd på Sofienlund i Aurdal 16/7-, døypt i Aurdal kyrkje [1/9-1839\[#51\]](#), konfirmert Aurdal [18/6-1854\[#1\]](#). **Tore** var veslebror til Ola, omtala i stubben «Lensmennene i Valle i Setesdal» - og storebror til Ragnhild Skøyen; sjå: «Ragnhild vart gardkjæring på Østigard Skøyen». Eg kan legge til at **Tore** vart tremenning med ein av dei fire olde-fedrene til stubbskrivaren.

Kvar **Tore** fekk lærarutdanning har eg ikkje funne opplysning om, men han vart skriven «Seminarist, Lærer» då han gifta seg med pige Olivia Hansen i Hof krk. [19/12-1865\[#15\]](#). Ho **Olivia** var dotter til Inderstparet Peder(Peer) Hansson Sætre og Karen Guttormsdr, fødd på Sætre 9/9-, dpt Hof krk 6/12-1840 [\[#220\]](#) med faddrar frå Uggerud, Snapholt og Sætre. **Olivia** stod som nummer ein då ho vart konfirmert i Hof krk. [30/9-1855\[#1\]](#), [snl.no](#) har meir opplysningar om deling og samanslåing av Hof og Åsnes som administrative-, verdslege og kyrkjelege område.

Ekteparet vart i FT1865 'trippelregistrert'. **Tore Lund (1)** vart registrert som gift Skolelærer med bustad Korntorpet i Hof. **Olivia (2)** vart registrert som dotter, gift med bustad Sætre søndre lno 254 i Hof. Som «topp på kransekaka» vart ektefolka **(3)** registrert på Sophienlund lno 272 i Nordre Aurdal prestegjeld. Lat oss tru at dei slapp å betala trippel skatt !

Dei fire fyrste borna til **Olivia** og **Tore** vart fødde i Hof: **Halfdan Juell** ^A f 29/5-, dpt Hof [21/7-1867](#) [\[#61\]](#), **Gutorm Peder** ^B f 21/11-1869, dpt Hof [16/1-1870](#) [\[#3\]](#). Fyrete jenta **Karen Anna** ^C f 9/7-, dpt Hof [27/8-1871](#) [\[#27\]](#), **Hagbart Tidemann** ^D f 22/9-, dpt Hof [9/11-1873](#) [\[#37\]](#).

Så har lærarfamilien flytta frå Hof. Det ser ikkje ut til at dei har fått utflyttingsattester. Vi finn dei ved [FT1875](#) [\[#1-6\]](#) busette på Ammerud (seinare drabantby i Oslo), løpenr. 133 i Østre Aker, teljkrins 2, Østre Aker prgj. Dei hadde med 3 tenestfolk frå Hof: Maren Knutsdr(1820), Marthea Halvorsdr(1852), Karl Petersen Sætre(1853) samt ein tenestdreng Erik f 1825(*Faderens namn kjendes ikke, Fødested kunne ikkje opgives*). **Tore** vart skriven «Gaardbruger, Stenbrudseier»

Sonen **Einar Thoralf Ottar** ^E vart fødd på nedre Ammerud 26/2-, dpt Østre Aker krk. [2/5-1880](#) [\[#127\]](#). Då vart **Tore Lund** skriven Forpakter. Det ser ut til at veslesyster til **Tore**, Anne Julsdr Lund var mellom faddrane til dåpsbarnet.

Så flytta familien vidare til Asker. Eldste sonen **Halfdan Juell** ^A vart konfirmert i Asker krk. [1/10-1882](#) [\[#29\]](#). Dottera **Ragnhild** ^E f 12/6-, dpt Asker krk. 23/12-1883 [\[#56\]](#) vart notert med fødestad Drengsrud skole i Asker. No var **Tore** attende som Skolelærer.

Gutorm Peder ^B vart konfirmert i Asker krk. [5/4-1884](#) [\[#16\]](#), **Karen Anna** ^C konf Asker [3/10-1886](#) [\[#66\]](#) og **Hagbart Tidemann** ^D konf Asker [7/10-1888](#) [\[#21\]](#).

Vi finn familien på Drengsrud skole [\[#74\]](#) også ved FT1891. **Tore Lund** var då Folkeskolelærer og «bruger jord». Dei fire yngste borna budde saman med foreldra. Personskjema [#1](#) – [#6](#).



Drengsrud skole – Biletet lånt frå [asker](#) kommune

Eldsteguten, **Halfdan Juell** ^A tok same yrkesval som faren – og vart lærar. Han gifta seg i Drangedal krk. 17/3-1893 [\[#2\]](#) med Aase Maria Naas, dotter til gardfolka Ole Nilson og Anne Larsdr. Ho var fødd på Naas 6/10-, dpt Drangedal krk. [1/11-1874](#) [\[#65\]](#), konf Drangedal [29/9-1889](#) [\[#9\]](#). Ole og familien hans vart ved [FT1875](#) tegistrert på Naas, lno 6&7, ved [FT1891](#) hedde eigeidomen fått gardsnr. 7/1 i Drangedal. (Husliste) – Personskjema [1](#) – [15](#). - Aase Maria og **Halfdan Juell** ^A budde ved [FT1900](#) på Tyskland gnr 56/14 i Sandsvær kommune. Dei var foreldre til: Anna Olivia ^{AI} f Ski, Akershus 26/9-,

dpt Ski krk. [22/10-1893](#)^[#22], konfirmert Asker krk. [4/10-1908](#)^[#89]. **Aslaug Marie** ^{A2} f Tyskland, Sandsvær 22/4-, dpt [Efteløt krk. 2/6-1895](#)^[#10], konfirmert Asker krk. [3/10-1909](#)^[#57]. **Ragn-hild Caroline** ^{A3} f Tyskland 12/10-, dpt Efteløt [12/11/1899](#)^[#20], konf Asker [4/10-1914](#)^[#51]. **Margit** ^{A4} f Tyskland 9/12-1901, dpt Efteløt [2/2-1902](#)^[#5], konf Asker [30/9-1917](#)^[#42]. **Tore** ^{A5} f Tyskland 5/1-, dpt Efteløt krk. [26/2-1905](#)^[#3], konfirmert Asker [3/10-1920](#)^[#101].

Kvar **Gutorm Peder** ^B vart av er eg ikkje trygg på. Ein **Guttorm Lund**, 19 år ,ugift handels-betjent, reiser frå Kristiania [17/5-1889](#) med reisemål Madison, Wisconsin.

Karen Anna ^C finn vi i same yrke som far og storebror **Halfdan**, bak kateteret. [FT1900](#) syner at ho då var «*Lærerinde ved folkeskolen*» og bur i «*Egen husholdning*» på [Wettre skole](#) gnr 58/37 i Asker. Ho hadde same [arbeidsplass](#) og bustad også ved [FT1910](#).

Det ser ut til at **Hagbart Tidemann** ^D har lært seg fargaryrket. Eg vil tru det er han vi finn ved [FT1900](#) som «*Farver ved bomuldspinneri*» - og med bustad [Solberg bomuldspinderis](#) arbeiderbolig. Han var ved [FT1910](#) på vitjing hjå broren Einar og familien hans.

Einar Thoralf Ottar ^E budde ved [FT1900](#) hjå familien Hansen i [Cappelensgade](#) i Drammen kjøpstad. Han var då [typograf](#). Han gifta seg [15/12-1901](#)^[#132] i Bragernes krk. med **Anne Margrethe Hansen**. Ho var fødd på Kongsberg 9/6-, dpt [Kongsberg krk. 26/11-1882](#)^[#71] og konfirmert Kongsberg [25/4-1897](#)^[#40]. Vi finn henne i [FT1885](#)(kjøpstaddeljing) saman med foreldra; *Maskinist og Myntpræger Hartvig Hansen* og *Bredine Marie*, fire brør og tre systre. **Anne Margrethe** budde ved FT1900 saman med systrene *Maren Marie* og *Mathilde Kristine* i *Mellemgaden* i Drammen kjøpstad.

Anne Margrethe og **Einar Thoralf** fekk sonen **Thor** ^{E1} f St Halvardsgt., Drammen 1/1-, døypt i Bragernes krk. [1/3-1903](#)^[#26] og dottera **Eva** ^{E2} f Kongsvinger 4/2-, dpt [Vinger krk. 12/5-1907](#)^[#6]. Vi finn familien busett i [Brogate](#) 12 i Kongsvinger ved [FT1910](#). Ein [Wikipedia-artikkel](#) fortel at dei i 1904 flytta til Kristiania, der arbeidde **Einar** for «*Norsk Familie Journal*». Så kjøpte han avisa *Glommendalen* og familien flytta til Kongsvinger. Dei flytta så til Stavanger i 1916 – og emigrerte til USA i 1919. Dei kom i 1927 til Decorah, Iowa i 1927 og **Einar** vart redaktør i *Decorah Posten* i 1947.

Vi finn **Einar** og **Anne Margrethe** (Lully) busette i Ward 2, Decorah Twp, Winnichiek, Iowa ved [Census 1940](#). Findagrave syner at **Einar** døydde [17/9-1963](#) i Madison, Dane Co., WI medan **Anne Margrethe** døydde i [mars 1971](#). Dei er gravlagde på [Phelps Cemetery](#), Decorah, Winneshiek Co., Iowa.

Decorah-Posten.

Etrodags-Udgave.

Då lyt eg koma attende til hovedpersonane i stubben – **Tore** og **Olivia**. Han **Tore** døydde av «*Hjertelammelse*» på Drengsrud i Asker [23/10-1907](#)^[#33], gravlagd og jordfesta v Asker krk. 31/10 s.å. Lærerenke **Olivia Lund** f Sætre døydde på Granly i Asker [1/7-1908](#)^[#17] – dødsårsak Kræft. Ektefolka kviler ved Asker krk.

Det ligg fleire GENIprofilar ute om denne familien – i [ein av dei](#) ser det ut til at opphavsfolket har hatt fått tak i ein database der stubbskrivaren kjenner att «rettskrivinga» si av ymse gardsnamn.....




Då endar vi stubben med eit bilete frå avisa «Valdres» - hovedbygningen på Sofienlund i Aurdal

Lærar og kyrkjesongar på Lundersæter

Teljaren i Vestre Finskogen teljekrins i [Brandval kommune](#) noterte at **Ole Hermansen**, f 1844 i N Aurdals Hovedsogn, ved teljinga i [1891](#) var *Almueskolelærer og vikarierende Kirkesanger*. ([Husliste](#)) Han budde på gnr [53/7\[#31\]](#) ([Berger østre](#)) i Brandval og hadde *Tjenestepige, Johanne Olsdtr* f 1849, *sysselsat ved Hustel, Skræddersøm og Vævning* samt son hennar, [Olaf Arneson](#) f 1877.

[FT1900](#) syner at at **Ole Hermansen** då budde på [Lundersæteren](#) gnr [68/18](#) i Brandval kommune han var då skriven *Folkeskolelærer og Kirkesanger*. Han hadde framleis [Johanne Olsdtr](#) som Tenestepige – her budde òg ein leigetakarfamilie; Marie og Olaf Arnesen med sonen Harald Adolf. [1910-teljing](#) syner **Ole Hermansen** som Kirkesanger og Folkeskolelærer, busett på Lundersøter Skolejord(gaard) framleis med [Johanne Olsdtr](#) som *Pike, Husholder* med fostersøn Harald Olafsen.

Ole var son til [Herman Olson](#) og [Rønnaug Olsdotter](#), fødd i Syndvøll 9/11-, dpt i [Aurdal kyrkje](#) juledagen, [25/12-1844\[#45\]](#), konfirmert i Aurdal [26/6-1859\[#2\]](#). Både far hans og Ole Olson, farfar hans, var organistar i Aurdal kyrkje. **Ole** hadde to yngre sysken, veslebroren [Ole\[#5\]](#) og veslesyster [Inger\[#11\]](#). Familien budde på Lillerud i *Præstegaardens tellekreds* i 1865, Lillerud lno 268 (plass under [Kølsrud](#)) ved [FT1875](#). Då var **Ole** *Husmand med Jord, Organist*.



Her er vel orgelet i Aurdal krk. bestefar og far til Ole Olson spelte på - foto OHF 5/5-2003

Jordmor i Brandval

[FT1900](#) for Brandval fortel at *Jordemor Margit Ellestad* budde på Kommunelokalet i Brandval Ho hadde truleg fått opplæringa si på [Fødselstiftelsen i Kristiania](#), der ho hadde tilhald ved [FT1891](#). Ho vart då skriven **Marit** A Ellestad. (Sjå stubben om [parallellnamna Marit/Margit](#) & Berit Bergit)

Foreldra til **Marit** var frå Gol i Hallingdal, [Arne Halvorson](#) (Berg) og [Liv Thomasdtr](#). Dottera vart fødd på Ellestad 27/5-, og døypt i [Lomé stavkrk](#). 28/6-1868[#46], konf Slidredomen [6/5-1883\[#4\]](#). Ho vart bae gongene skriven med namnet **Marit**. «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*» skriv om [Sørre Ellestad](#) på sidene [180/181](#). Ved [FT1875\[#8\]](#) vart **Marit** registrert på Ellestad lno 46a i Vestre Slidre.

Opphaldet i Solør vara nok ikkje i mange år, vi finn henne **Marit** som brur i Lomen stavkrk. [30/9-1908\[#2\]](#). då ho gifta seg med [Tomas Alfson Røvang\(1875-1956\)](#). DIS gravminner syner at Marit døydde [8/11-1958](#). Ektefolka kviler bae ved Lomen kyrkjegard.

Skolelærer, Austmarka i Vinger kommune

Tredje sonen til *Sakarias Øysteinson* og *Ingeleiv Andersdtr* på *Bøa-Øydgarden* i Vang hovudsokn kom til verda 12/4-1857. Han fekk i *Vang krk.* [31/5-1857](#)^[#58] namnet **Nils**, oppattkalla etter morfaren. **Nils Sakariasson** vart konfirmert i Vang krk. *Trefoldighets søndag*, [26/5-1872](#)^[#6]. Han vart ved [FT1865](#) registrert, på *Bøe nedre* løpenr. 13 i Vang prgj., saman med foreldra, fire brør og ei syster samt besteforeldra som hadde føderåd. «*Gardar og slekter i Vang*» band A skriv om desse folka på sidene [505](#) og [506](#).

[FT1875](#) for Vang i Valdres fortel at **Nils Sakariasson** var *Fraværende* – med *formodet opholdsted* Hamar. Der var han «*Elev ved Seminariet*». På Hedemarken har han truleg treft ei jente frå Løten, **Karoline Gudbrandsdtr**- og dei vart ektefolk i *Løten krk.* [28/12-1880](#)^[#29].

Foreldra til **Karoline** var *logerende* dagarbeidar *Gudbrand Olson* og kona *Kari Halvorsdtr* på *Petersborg søndre*, løpenr. 59c i Løten. **Karoline** vart fødd 22/2-, dpt Løten krk. [3/4-1853](#)^[#32], konfirmert Løten [4/10-1868](#)^[#28]. Familien var busette på Pettersborg søndre ved [FT1865](#).

Så har **Nils Sakariasson** fått lærarpost i Vinger kommune. Sonen **Zakarias** ^A vart fødd på *Bedafors* 14/10-, dpt *Austmarka krk.* [13/11-1881](#)^[#33], [11/10-1896](#)^[#19]. **Gudbrand** ^B f *Bedafors* 14/5-, dpt [27/6-1883](#)^[#25], konfirmert [9/10-1898](#)^[#10]. **Ingelev** ^C f *Bedafors paa Vendelsberg* 8/12-, dpt [25/12-1884](#)^[#53], konf [15/10-1899](#)^[#53]. **Kari** ^D f *Ventelsberg* 22/10-, dpt [12/12-1886](#)^[#29], konf [6/10-1901](#)^[#49]. **Øystein** ^E f *Skullerudbraaten* 12/10-, dpt [26/12-1889](#)^[#32], konfirmert [2/10-1904](#)^[#29]. **Herman** ^F f (Skullerud-)Braaten 27/9-, dpt [26/12-1891](#)^[#36], konf Vinger krk. [1/10-1905](#)^[#8]. **Christopher G** f Bråten under Skullerud 23/7-, dpt [15/9-1895](#)^[#30], konf Vinger [10/10-1909](#)^[#8]. Alle borna vart døypte i Austmarka krk. – og alle, unnateke dei to yngste, vart konfirmerte i Austmarka.

Familien budde ved [FT1891](#) (*Husliste*) på Nytomten [gnr 68/13](#) i Vinger kommune. Her budde og mor til **Karoline**, *Kari Halvorsdtr* f 1815 i Vang på Hedemarken og *Tjenestetyende Andrine Isaksdtr* *Vareldskagaset* f 1873, ho hadde ansvar for *kreaturstel.* - Familien budde ved [FT1900](#) framleis på Nytomten, no var berre dei fire yngste borna heime hjå foreldra. - [FT1910](#) syner at bustaden då var *Digerud skole* [gnr. 29/26](#) i Kongsinger, no var berre sønene **Øistein** ^E og **Kristoffer** ^G heime hjå foreldra.

Det er diverre berre **Ingelev** ^C eg har greidd å spore vidare. Ho var ved [FT1900](#) *kokke og stuepige* hjå kemner Romsaas med familie. - Ti år seinare har ho teke ei lang reise vestover langs sørlandskysten – vi finn henne i [FT1910](#) som *Frelsesofficer* med bustad i *Arendalsveien* 421 i Grimstad. Ho gifta seg [6/6-1919](#)^[#5] med fotograf i Kristiania, **Gjertin Mathias Olsen** frå Korgen i Nordland. Han var f på *Svartvasmo* 24/4-, dpt *Korgen krk.* [29/6-1889](#)^[#9]. Han var son til **Konrad Lund Olsen** og **Petrine Marie**. Vi finn han på Svartvasmoen [gnr 117/1](#) både ved [FT1900](#) og [FT1910](#).

Litt statistikk kring kvinnenamnet Ingeleiv

	1801	1865	1910
Østfold	0	0	0
Akershus	0	0	2
Kristiania	0	1	3
Hedmark	0	1*	1
Oppland	31	24	19
Buskerud	2	4	5
Vestfold	0	0	2
Telemark	2	0	1
Aust-Agder	1	1	1
Vest-Agder	4	0	1
Rogaland	7	12	16
Hordaland	47	87	83
Bergen	1	0	5
Sogn og Fjordane	65	46	34
Møre og Romsdal	89	127	78
Sør-Trøndelag	0	0	3
Nord-Trøndelag	0	0	1
Nordland	0	0	2
Troms	0	0	0
Finmark	0	0	0
	249	302	257

Av dei som bar dette namnet i Oppland fylke ved FT1801 var 9 frå Lom, 8 frå Fron, 7 frå Vågå og 7 frå Vang.

Det var mange Ingeleiver i indre Sogn; 35 i Lærdal og Årdal, 15 i Leikanger og edleva(11) i Vik. I 1910 var det 21 i Lærdal og 10 i Årdal.


Det synest sikkert at namnet har flytta seg frå vest- til Austland – og at det har kome med inngifte frå Lærdal-Årdal over Filefjell til Vang. Tyngdepunktet ligg i Vestlandsfylka – og namnet er mest ukjent nordafjells. I 1910 var 13 av dei 19 Ingeleivene busette i Vang.

I 1865 var det ei Ingeleiv i Lom, ei i Sjøak, 7 i NordFron og heile 14 i Vang. – Ved FT1910 budde 13 av 19 med namn Ingeleiv i Vang.

Dei kvinnene i Buskerud som hadde dette namnet held til, både i 1801 og 1865, i Ål prestegjeld (Ål og Hol)

Område med svært mange Ingeleiver var m.a. Vedø og Borgund (Møre&Romsdal) i 1801, Kinsarvik og Ulvik i Hardanger ved FT1865.

Meir om namnet i «*Norderlenske fyrenamn*», [side 202](#)



Her er Theodor Kittelsen si teikning av «Gudbrand i Lia»
Skal vi tru dei er på tur til slaktaren ?

Halvor frå Reinli var slaktar i Kongsvinger

[4. juni 1851](#)^[#1] fekk **Halvor Olson** frå Høvseige (*Hofseie*) utflyttingsattest med reisemål «Vingers Prestegjeld». Vinger prgj. var fram til 1859 to sokn, Vinger og Eidskog. Eidskog vart eige prestegjeld [i 1859](#). Diverre veit vi ikkje kva som fekk Halvor til å ta turen austover mot svenskegrensa, men eg har ein mistanke om at det var eit kvinnfolk som lokka frå austleg lei

Då er vi nok meir trygge på kven som var foreldra til **Halvor**. Kyrkjeboka fortel at han var fødd på [Høvseige](#) 8. Februar – og vart døypt i [Bagn krk. 26/2-1809](#)^[Hside,3.ovanfrå] og konfirmert i Bagn [25/6-1826](#)^[#25]. Foreldra hans var Ole Arneson Høvseige og Marit Tølleivsdtr. - «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band A fortel om denne familien på [side 387](#). Her er utegløynt sonen Ola. Han vart døypt i (*Øvre Reenlie*) [Reinli stavkyrkje 24/1-1795](#)^[Hside,7.ovanfrå].

[20/4-1852](#)^[#17] sto **Halvor** brudgom i Vinger prestegjeld. Brura var **Karen Eriksdtr**, fødd på Rødengen i Grue 18/10-, dpt i [Brandval krk. 2/11-1823](#)^[#57], konfirmert Brandval [7/10-1838](#)^[#28]. Ministerialboka fortel at foreldra hennar **Karen** var husmannsfolka Erik Simenson og Mari Jonsdotter som budde på Rødengen.

Storgaden 13 i Kongsvinger kjøbstad var bustad for **Karen** og **Halvor** ved [FT1865](#). Dei hadde truleg Berte Pedersdtr frå Brandval som tenar. Fem år seinare ([FT1870](#)) finn vi slaktar **Halvor Olsen** og kona **Karen Eriksdtr**, framleis med adresse Storgate 13. Her budde og «*Slagters enke*» Inger Eriksdtr og borna hennar, Lars f 1854, Karl f 1859, Oluf f 1864 og Ida f 1868. Inger hadde vore gift med slaktar Ole Larsen Fjeld. Ved [FT1865](#) budde familien i Fæstningsgaden 7.

Det ser ut til at Halvor ikkje bygde seg opp rikdom med slaktararbeidet sitt. Då han døydde, [13/9-1873](#)^[#73] vart han skriven «*fattiglem*» **Halvor Olsen**, 60 år gamal, bustad i Kongsvinger. Han vart gravlagd 25/9-1873



Kongsvinger festning (lånt hjå travelnews.no)

Skulelærar og kolonistyrar på Eidskogen

Ved folketeljinga 1891 for Eidskog i [Vinger og Odalen fogderi](#) finn vi i «Fjelds kreds», telje-krins nr.4 i Eidskog herad, **Andres Brække** som hovedperson for gnr 28/8. ([Protokolside 12](#)) – Vi finn han på [husliste 27](#) og personsedlar nr [#1-#10](#). Skjema er samla i ein 'lott' [hjá Digitalarkivet](#).

Andres kom til verda på [Brekke](#) i Øye sokn i Vang prgj. i Valdres 31/8, dpt i [Øye kyrkje 13/9-1853](#)[\[#58\]](#), konfirmert [7/6-1868](#)[\[#2\]](#). Foreldra hans var [Andris Jonson](#) (1811-1892) og [Berit Jakobsdtr](#) frå [Hamre](#) (1819-1860). De kan lesa om denne familien i «*Gardar og slekter i Vang*», band A, [på side 303](#). Vi finn **Andres** ved [FT1865](#) på Brække løpenr 136 i Vang prgj.

Ved [FT1875](#) vart han og teken med i husstanden på Brekke i Øye. Han vart då skriven «Elev». Eg vèl å tru at han då var ved eit «Lærarseminarium», kanskje på [Hamar](#).

Kva tid **Andres** gifta seg, har eg ikkje greidd å finne svaret til. Vi får ta det «[omtrentleg](#)» og seie tidleg på 1880-talet. Kona hans heitte **Oline Olsdotter** og kom truleg frå Moskogen, sør i Stange prestegjeld. I 1910 har folketeljaren notert fødselsdato 3/5-1853. Ei **Oline Olsdtr** vart fødd på Veensvangen i [Tangen](#) på ovannemnde dato, døypt i [Stange krk. 24/7-1853](#)[\[#117\]](#). Foreldra hennar var [Ole Olson](#) og [Birgitte Maria Christiansdtr](#).

Borna til **Oline** og **Andres**: **Bernt Torgeir** [A](#) f Fjeld skole 1/7-, dpt Eidskog [23/12-1883](#)[\[#94\]](#), konfirmert Eidskog krk. [2/10-1898](#)[\[#42\]](#). **Signe Bergljot** [B](#) f Fjeld 7/10-, dpt [30/11-1884](#)[\[#61\]](#), konfirmert [1/10-1899](#)[\[#33\]](#), død [11/2-1906](#)[\[#6\]](#). **Kristiane Julie** [C](#) f Østfjeld 29/12-1885, dpt Eidskog krk. [28/2-1886](#)[\[#11\]](#), konf [7/10-1900](#)[\[#12\]](#). **Andres** [D](#) f Østfjeld 28/3-, dpt [8/7-1888](#)[\[#26\]](#), konf [18/10-1903](#)[\[#40\]](#). **Anna Othilie** [E](#) f 8/1-, dpt 18/2-1890, konfirmert [2/10-1904](#)[\[#27\]](#). **Aasta Ovidia** [F](#) f 22/4-, dpt [3/11-1895](#)[\[#40\]](#), konf [9/10-1910](#)[\[#39\]](#), død [16/6-1982](#). **Bjørn Ottar** [G](#) f Nefjen 16/5-, dpt [12/9-1897](#)[\[#49\]](#), konf [6/12-1912](#)[\[#10\]](#), død [23/3-1918](#).

Ved [FT1891](#) budde **Anders, Oline** og borna på Østfjell, gnr 28/5 i Eidskog. I [FT1900](#) budde dei på Nevjen skolegaard gnr 64/8. Her finn vi dei òg ved [FT1910](#). Lærarfamilien vert omtala i Eidskog bygdebok, band 5, [side 326](#).

Andres [D](#) Brække gifta seg [12/11-1910](#)[\[#14\]](#) med tenestjente [Emilie Olsdtr](#), f 1889 på [Sandby](#) i Billingen. Ved [FT1910](#) budde ho hjå foreldra, [Ole Sandby](#) og [Anne Nilsdtr](#), på Sandby, gnr 72/1 i Eidskog kommune. Ekteskapet vara ikkje lenge. **Andres** [D](#) døydde på Nevjen skolegård [29/6-1911](#)[\[#10\]](#) av «hjernebetennelse». Då hadde han opplevd å få ein son, **Thorleiv Oliver** [D1](#) var f på Nevjen 21/1-, dpt i Eidskog krk. [26/3-1911](#)[\[#11\]](#).

Anna Othilie [E](#) f gifta seg [7/1-1916](#)[\[#3\]](#) med skogsarbeidar [Karl Haakon Kristiansen](#). Han var son til inderstparet [Kristian Andersen](#) og [Mathea Arnesen](#), fødd 2/4-, dpt [26/5-1889](#)[\[#26\]](#), konf. Eidskog krk. [18/10-1908](#)[\[#42\]](#), død [21/1-1964](#), gravlagd ved Magnor krk. **Anna** og **Karl** hadde borna **Odd Karsten** [E1](#) ([27/4-1916](#)[\[#20\]](#) – [29/11-1926](#)[\[#28\]](#)), **Jim Walter** [E2](#) f Holtet 23/2-, dpt [15/5-1921](#)[\[#35\]](#) og **As-laug Synnøve** [E3](#) f 17/2-, dpt [8/6-1924](#)[\[#21\]](#).

Familien dreiv ved [FT1910](#) «Nevjens Sindsygekoloni», gnr 64/1 i Eidskog. Carl Magnus Aurstad frå Nes på Romerike var «Kolonibestyrer». Det vart ved teljinga registrert 18 klientar. For Brækkefamilien vart det eit hardt slag då yngste sonen vart drepen av ein klient.

Andres Brække døydde [15/2-1925](#)[\[#11\]](#), gravlagd ved Eidskog krk 24/2 s.å. - Lærerenke **Oline Brække** døydde på Nevjen [21/3-1933](#)[\[#12\]](#), gravl/jordfesta v Eidskog krk 18/3 s.å.



Biletet av Brækkefamilien er lånt frå Eidskog bygdebok, band 5, [side 326](#).

Sigrid Olsdtr hadde hjelpt mange Sør-Odøler til verda

[FT1900](#) for Sør-Odal fortel at **Sigrid Mørstad**, fødd i *Slidre, Vaulders* var ugift «*Jordemoder*» og budde på Skarnes, [gnr 41/1](#) i Sør-Odal kommune.

Sigrid kom til verda 3/7- på [øvre Mørstad](#) gnr 12/4 i Øystre Slidre. Ho vart døypt i [Hegge kyrkje 14/7-1867](#)^[43], konfirmert i [Rogne krk. 4/6-1882](#)^[#2]. Ved [FT1875](#) finn vi henne på Mørstad og Haugen, lno 221b & 222 i Øystre Slidre prgj. saman med foreldra, [Ola Øysteinson](#) og [Ragnhild Olsdtr](#) og to yngre systre, [Marit](#) f 30/10-, dpt [22/11-1868](#)^[#30] og [Ingebjørg](#) f 1/5-, dpt [29/6-1873](#)^[#14]. Både far-mora og mormora hennar **Sigrid** heitte Sigrid, så om nokon spurde kva for ei «[gommo](#)» ho var oppatt-kalla etter – då kunne ho enkelt og greitt svara «BÅÈ TO!» - La meg til sist nemne at de kan lesa om Øvre Mørstad på [sidene 192/193](#) i «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*», band A.

Vi finn **Sigrid** ved [FT1891](#) busett i Akersgaden 47 i Kristiania. Ho var då tenestjente hjå kjøpmannsfamilien Emilie og Jonas Andreas Ruud. Denne familien hadde i 1891 tre born.

Framme ved [FT1910](#) var **Sigrid** framleis «*Jordemor*». No var bustaden Skarnæs, gnr 41/24. Ho vart registrert saman med ekteparet [Gleditsch, Johan](#) og Agnette, bae fødde i Aker. Johan var Assurance agent og brannkassekasserar. Her budde òg Carl Gleditsch, fhv. Landhandlar og Bibliotekar.

Ugift jordmor **Sigrid Mørstad** døydde [18/3-1916](#)^[utan nr] på Skarnes. Som dødsårsak vart notert «*Lungebetændelse*». Ho vart «Begravet og jordfestet i Østre Slidre iflg attest av 18/4 av sognepr. Kvarving.» Ho vart innført med nummer 3 i ministerialbok nr 7 for Hegge sokn i Ø Slidre prgj, grav-ferd- og jordfesting var ved Hegge kyrkje [7/4-1916](#).

Dei gifta seg i Strøm kyrkje i Sør-Odal (1)

Eg har kome over tre par med tilknytning til Valdres som starta ekteskap i [Strøm krk.](#) i Sør-Odal. Eg reknar dei opp etter kva tid dei gifta seg. Fyrst ute var **Elise Holmboe Olstad** og **Ole O Juvkam** som lova å halda saman i tjukt og tynnt, vesle julaftan, [23/11- 1911](#)^[#17]. – Eg går ut frå at det var far til brura, sokneprest [Harald Olstad](#) som vigde paret. Han var gift med [Anne Johanne Holmboe](#). [Harald](#) og [Anne Johanne](#) budde ved [FT1900](#) på [Njust, nordre](#), gnr 101/1 i Sør-Odal. **Elise** var fødd på Krokvold i Norderhov 14/5-, dpt i Hønefoss krk. [28/6-1885](#)^[u.nr] og konfirmert i [Oppstad krk. 7/10-1900](#)^[#19].

Mykje talar for at dei hadde vorte kjende på arbeidsplassen, Landbruksdepartementet i Kristiania, der **Ole** var *sekretær* og **Elise** var *assistent*. - **Ole** var fødd på [midtre Jukam](#) 14/8-, og døypt i Sør-Aurdal prgj. [14/9-1879](#)^[#66], konfirmert i Bagn kyrkje [27/5-1894](#)^[#12]. Han budde ved [FT1891](#) saman med foreldra; [Ola Person](#) og [Ingebjørg Eriksdtr](#) samt to brør (Per og Erik) og fire systre (Marit, Kristine, Gunhild og Nikoline) på Juvkam gnr 36/4 i Sør-Aurdal kommune. De kan lesa meir om denne familien i «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» [band B, side 47](#). Eg kan legge til at **Ole** var tremenning med farfar til stubbskrivaren.

Ole budde i [Bjerregaardsgate 9](#) i Kristiania ved [FT1900](#). Han var då «*Middelskoleelev*». Han studerte ved Norges Landbrukshøgskole i tida 1904-07, tok i 1910 polyteknisk utdanning i Zürich. De vil finne han omtala i «*Norges jordskifte 100 år*» på [side 23](#)

JUVKAM Ola, professor, Ås, f. 14. aug. 1879 i Sør-Aurdal, sønn av gårdbr. Ole P. J. (1827—1916) og Ingeborg Vold (1841—1920). Gift 1911 Elise Holmboe Olstad, f. 14. mai 1885, dtr. av soknepr. i Sør-Odal Harald O. (1854—1920) og Anne Johanne Holmboe.

Eks. landbr.sk. 1900, Landbr.høysk. (utskiftningsavd.) 1904, hosp. polytekn. sk. Zürich 1910.

Utskiftn.landmåler og stipendiat ved Landbr.høysk. 1904—07, sekr. i Landbruksdept. 1907, utskiftningskonsulent 1915, utskiftningsjef 1919, professor i utskiftningsfag ved Norges Landbruks-høyskole 1945.

Utgitt samlinger av skrivelser vedr. Utskiftn.vesenet, Trekk av Utskiftnings-vesenets historie.

Medl. av Kartkom. av 1911, av komm. for landets økon. oppmåling 1919—24, derav form. 1921—24.

K.² Finnl. Hv. R.

[«Hvem er hvem» -1948](#)



Ola O Juvkam

Dei gifta seg i Strøm kyrkje i Sør-Odal (2)

Vi held oss framleis i Strøm krk, men no er året 1914 – og datoen 1. november. Paret som vart vigde [denne dagen](#)^[#15] var **Margit Knutsdtr. Beito** og enkjemann **Søren Sørensen Kjølstadviken**. Han var tidlegare svoger med **Margit**, han hadde i Amerika vore gift med storesyster hennar, **Marit K Beito**. Søren hadde med attest frå Minneapolis datert 5/2-1918, der det vert fortalt at «første kone, brudens søster Marit Norvik død i Amerika 7/4-1918 i Minneapolis, att. 7/1-1919». Sør-Odal bygdebok har på [sidene 651-653](#) omtale av familien i Viken.

Søren var fødd i Osviken i Sør-Odal 30/4-, dpt i [Oppstad krk. 11/7-1886](#)^[#12], då han vart konfirmert, i Oppstad krk. [7/10-1900](#)^[#15], var bustadadressa [Kjølstadviken](#). Foreldra hans var [Søren Hansson](#) og [Annetta Johannesdtr.](#) Familien budde ved [FT1891](#) i Osviken gnr 39/1& 98/3, [FT1900](#) syner at bustad då var Viken gnr 98/3.

[Knut Olson](#) og [Marit Nilsdtr](#) frå Uppigarden Beito fekk ei dotter 12/7-1893. Ho fekk namnet **Margit** i Hegge kyrkje [1/10-1893](#)^[#18]. Vi finn henne ved [FT1900](#) på nørre Beito, saman med foreldra; [Knut Olson](#) og [Marit Nilsdtr](#) samt farmora [Marit Andersdtr](#), fire brør og to systre. **Margit** vart konfirmert i Hegge kyrkje [2/10-1908](#)^[#2]. Ho dreiv med « *kreaturstel*» på [Askim gnr 70/1](#) i Vardal ved [FT1910](#). - «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*», band A, fortel om familien i Uppigardé på [side 55](#).

DISgravminner syner at **Søren Viken** døydde [2/8-1966](#), **Margit** døydde [23/12-1987](#). Ektefolka kviler ved Strøm krk. i Sør-Odal.

Dei gifta seg i Strøm kyrkje i Sør-Odal (3)

[21/6-1921](#)^[#18] var bryllaupsdagen til **Inga Dorthea Olsdtr** og **Ola Endreson**. **Inga** var dotter til [Marthea Pedersdtr](#) og [Ole Andreas Syverson](#) frå [Rakeie](#) i Nes kommune, Akershus, Plassen ligg nesten på delet mellom Eidskog, Nes og Aurskog-Høland.

Inga Dorthea var fødd på Rakeie 5/4-, dpt i [Nes krk.](#), Nes i Akershus [25/6-1899](#)^[#28], konfirmert i [Årnes krk](#) i Nes [5/10-1913](#)^[#8]. Ved [FT1900](#) budde familien hennar på *Rakeie mellom* under gnr 159/1 i Nes kommune. **Inga Dorthea** vart ikke nemnt på Rakeie ved [FT1910](#).

[Endre Timannson](#) (1862-1930) frå [Niëgardé Røyne](#) og [Ingrid Olsdtr](#) (1864-1904) gifta seg i [Hegge kyrkje](#) [3/2-1888](#)^[#2]. Sonen **Ola** vart fødd på [Vaarumsjordet](#) (*Vølisjordé*) 24/5-, dpt Hegge krk [2/7-1899](#)^[#11], konfirmert i Hegge krk. [14/6/1914](#)^[#4]. **Ola** og **Inga Dorthea** budde i Øystre Slidre. Nettsida «*Dødsfall i Norge*» fortel at **Inga Dorthea** døydde [3/7/-1996](#).

Lat meg ta med at storesyster til **Ola Endreson**, **Inga Røyne** ([23/4-1897](#) – [14/8-1962](#)) vart gift med mangeårig formann i Valdres bygdeboknemnd, rektor [Petter Lillebrænd](#).

Då er det vel på tide å sjå korleis Strøm kirke ser ut:



Soknepresten, fotballstadion og Ågotstølen

Eg hadde «[The Lion, the Wizard and the Warderobe](#)» til modell for tittelen

Denne stubben lyt eg starte på garden [sørre Onstad](#) i Aurdal. 3. juni 1845 vart [Maria Eriksdtr](#) og [Ola Olson](#) foreldre til ein gut. Han var den sjuande i barneflokk. Han vart døypt i [Aurdal kyrkje 15/6-1845\[#28\]](#) og fekk namnet **Erik**, oppattkalla etter bestefar sin på morsida. **Erik** vart konfirmert i Aurdal krk. [1/7-1860\[#1\]](#). Eg kan nemne at **Erik** var syskenbarn med ein av dei 4 oldefedrene mine på morsida.

Ved [FT1865](#) var **Erik Onstad** elev ved [Seminariet i Asker](#). Teljinga i [1875](#) syner at han budde i [Møllergade 7](#) i Kristiania og var *Logerende, Student*. Eigar av bygarden var Jørgen Thoresen, soneson til felespelaren Jørn Hilme. Vi finn **Erik** som nr. 051. Nr. 052 er *Logerende, skolegut* [Jens Holst Gjems](#) frå Kongsvinger, f 26/7-, dpt i Vinger prgj. [9/9-1860\[#375\]](#). Eg vil tru storesyster til **Jens**, **Lene Bergit Gjems**, var innom i Kristiania for å helse på veslebror sin – og slik kom i kontakt med teologistudenten frå Aurdal. - **Lene Bergit** var f 2/8-, dpt i Vinger [13/9-1854\[#342\]](#) og konfirmert i Vinger [7/8-1870\[#96\]](#). Ho var nummer to i syskenflokk. Foreldra hennar var [Johan Andreas Gjems](#) f 1825 i Vinger og [Trine Rolvsen](#), f 1827 i Grimstad

Folketeljinga for Vinger i [1875](#) syner Gjemsfamilien på storgarden [Næsteby \(kart\)](#) ved Vingersjøen. Her finn vi **Lene Bergitte** som nr. 9 og student **Erik Olsen Onstad** som *Tilreisende, Student* med «*Sædvanligt Bosted*» i Kristiania som nr. 10. Aurdalsguten må ha gjort eit godt inntrykk på familien til **Lene Bergitte**, vi finn at ho og [personellkappellan](#) **Erik Onstad** startar ekteskap i Vinger prestegjeld [9/10-1877\[#35\]](#). Forlovarar var grosserar [Andreas Gjems](#) og [Marcelius Gjems](#), Næsteby.



Prestegården i Sand 9. juli 1891. I forgrunnen sokneprest Erik Olsen Onstad og kona.
(Bilete frå Pinterest.com)

Erik Onstad vart i 1877 utnemnt til personellkappellan i Stange prgj. Dottera **Trine Marie** ^A vart fødd på [Rekstad](#) 28/6-, dpt [Stange krk. 2/8-1879\[#34\]](#), konfirmert i [Sand krk](#), N Odal [20/8-1900\[#5\]](#). Dotter nummer to, **Bergith** ^B, vart fødd i Sør-Odal 2/9-, dpt [Oppstad krk. 9/10-1881\[#83\]](#), konfirm. Sand krk., N Odal [10/10-1897\[#7\]](#). Så kom sonen **Olaf Andreas Gjems** ^C f S Odal 7/11-1882, døypt Oppstad [4/2-1883\[#9\]](#), konfirmert Sand krk. N Odal [9/10-1898\[#10\]](#). «Gards- og slekts historie for Sand sokn» fortel på [side 450](#) at **Erik Onstad** var *sokneprest* i Nord-Odal frå 1890 til 1919. Familien vert nemnt på Nord-Odal prestegard ved [FT1891](#), [FT1900](#) og [FT1910](#).

I ein [artikkel](#) i «[Norsk biografisk leksikon](#)» om svigersonen [Karl Vold](#) vert det skriva at **Erik Onstad** døydde i 1926 og **Line Bergit** døydde i 1938.



Med hjelp av tilsette i «[Byen vår Kongsvinger](#)» fekk eg tilsendt tekst frå «*bybok 2 Kongsvinger 1854-1954*». Vi har sett at [Marcelius Gjems](#) var forlovar til brordottera **Lene Bergitte**. Han var eigar av Torvgata 3 i Kongsvinger. Han åtte òg [Lunden \(Gjemselund\)](#) «*med tilhørende skog, der idrettsplassen nå ligger.*» Sonen Ole R Gjems tok over eigeidomen, han gav tomt til sjukehus og fekk realisert planer for idrettsplass (Gjemselund stadion).


Eg vèl å tru at **Trine Marie** ^A gjennom '*nettverket*' til far sin - vart kjend med karen ho kom til å gifte seg med, **Karl Ludvig Vold**. Han var son til gardbrukarparet **Johan Anton Mikalsen** og **Petrine Andresen** på **Stensrud gnr 25/1** i Ås, Akershus. **Karl Ludvig** var f på **Kjølstad 20/7-**, dpt i **Ås kirke 8/8-1875**^[#35], konfirmert Ås krk. **5/10-1890**^[#1]. «*Norsk biografisk leksikon*» fortel at han gifta seg med **Trine Marie** ^A i Sand krk. Nord-Odal **20/8-1900**^[#8]. Forlovarar var lærar, cand.theol Sigvard Eng og gardbrukar Karl Wassum. Folketeljinga i **desember 1900** syner at ekteparet då budde i St. Croixgate 381c/7 i Fredrikstad. Bror til **Trine**, **Olaf Andreas Gjems** budde då hjå ekteparet, han «*læser til Areium*». «*Norsk biografisk leksikon*» fortel vidare at **Trine Marie** ^A døydde 10/7-1924, og at **Karl Ludvig** **gifta seg oppatt i 1936**.

Det er lett å tenkje at **Bergith** ^B gjorde som storesystera – og fann seg ein mann med teologisk studium som bakgrunn. Ho gifta seg, nett som systera, i Sand kirke – og bryllaupsdatoen var **11/8-1910**^[#3]. Forlovarane var pastor **Karl Vold** og cand.jur. **Olaf Gjems Onstad** – brudgom var **pers.kap. Syvert Elias Syvertsen**. Han var Østfolding, fødd på **Rød i Skiptvedt 9/4-**, dpt **Skiptvedt krk. 30/5-1882**^[#16], konfirmert i **Østre Fredrikstad krk. 3/10-1897**^[#2]. Han var son til **kommandersergeant Johan Syvertsen** f 1846 og **Hanna Sofie Hafslund** f 1854. **Syvert** var ved **FT1900** busett i Fredrikstad kjøpstad, på «*hjørnet av Toldbod og Kasernegaden*». Han vart då skriven «Stud.art.» - **FT1910** fortel at **Bergith** ^B og **Syvert Elias** budde i Sannesundveien, *forhus, 2^{den} kvist*.

Eg går ut frå at **Syvert Elias** var residerande kapellan hjå svigerfaren i Nord-Odal då han døydde, 16/4-1916. Han vart gravlagd på Østre Fredrikstad gravlund 27/4 s.å. De kan finne **gravminnet** hjå DIS. **Bergit** fekk ein høg alder, vèl 88 år; ho døydde **1/2-1970**, gravlagd 6/2 s.å.



Sand krk, Nord-Odal - Foto OHF 6. august 2012



Sogneprest Erik Onstad

Olav Andreas ^C **Gjems Onstad** budde, som før nemnt, ved **FT1900** hjå syster si, **Trine Marie** ^A og mannen hennar, **Karl Vold**, i Fredrikstad. I **FT1910** finn vi han i **Eilert Sundtsgr 27** i Kristiania. Han vart då skriven student (sakkfører og cand .jur.) «*studerende idet jeg paa ny læser til juridicum*».

1/9-1917^[#95] gifta **Olav Andreas** ^C (Sekretær i Handelsdept.) seg med arkitekt **Aagot Urbye**. Ho hadde adresse Sorgenfrigte 37 i Kristiania. Paret vart vigde i **Fagerborg kirke**, forlovarar var Sogneprest **E Onstad**, N Odalen og Sogneprest **Karl Vold**, Nordstrand. - **Aagot Urbye** var dotter til **kjøbmand Hans Hornemann Ræder Urbye** og **Abel Margrethe Hersleb Hornemann**. De finn meir om dette ekteparet hjå **nettsida «Hemneslekt»**.

Aagot var fødd 26/3-, dpt i Trefoldighet krk. i Kristiania **18/4-1886**^[#58]. Familien budde då i **Theatergate 5**. Ho vart konfirmert i **Frogner kirke 5/4-1903**^[#13]. **Thomas Heftyes gate 41** var adressa til familien både ved **FT1900** og **FT1910**. I 1910 var **Aagot** «*elev af Tegneskolen*».



Då er vi komne til andre gongen der Onstadfolket og morslekta til stubbskrivaren kryssar spora til kvarandre. - Mange av gardane i Åbjør hadde tre stolar; «*Heimås, Midtås og Vestås*». Eg har høyrst sagt at ein yngre bror av bestefar min skulle ta politiutdanning i Kristiania - og at han for å få startkapital selde Midtåsen til Gjems-Onstad familien. Han skjønste snart at han ikkje høvde som politimann, og kom snøgt heimatt til Valdres. - Men når eg ser på panteregisteret – ser det ut til at det var bestefar som fekk skylddelt frå midtåsen, og som selde denne (gardsnr 106/71) til cand jur **Olaf Gjems Onstad** for 2000 kroner 16/9-1916 – tinglyst 4/10 same år. Midtåsen fekk då namnet Aagotstølen, ganske sikkert kalla opp etter **Aagot Urbye**. No vart ikkje **Ågot** og **Olaf** eigarar lenge, del skjøter Ågotstølen attende til Dølehuset 12/7, tinglyst 6/9-1919, no for 3000 kroner. Bestefar og Olaf Gjems Onstad var tremenningar.

557 *Ang. aldeu dot. nr 347.*

G.-No. 106
B.-No. 71
Matr.-No. _____ Løbe-No. _____
Skyld Mark 0,01 Daler _____ Ort _____ Skill. _____

Aagotstølen

No.	Adkomster og Heftelser	Pantebog No. og Folio	Anmerkninger
1.	<i>Skjolddeling, avt. 14/9, tgl. 7/10 1916</i>	35-31	
2.	<i>Skjøte på delte Olsen Dølehuset til cand. jur. Olaf Gjems Onstad for kr. 2000,- dat. 16/9, tgl. 7/10 1916</i>	35-32	
3.	<i>Obligation på Olaf Gjems Onstad til Nordre Aurdals Sparebank for kr. 2000,- dat. 14/9, tgl. 7/10 1916</i>	35-32	<i>Arbeid 14/4 1910</i>
4.	<i>Skjøte på Olaf Gjems Onstad til Dølehuset for kr. 3000,- dat. 7/7, tgl. 6/9 1919</i>	37-68	

[Protokollnr: 5.serie, 7B, Valdres Sorenskriveri](#)



[Ågotstølen](#) 28/5-2019 - foto OHF

Aagot og **Olaf** vart, på Rikshospitalet i Kristiania, foreldre til ein gut [22/2-1922\[#91\]](#). Guten vart der døypt med namnet **Erik Ørn** 5/3 s.å. Foreldra budde då i Sorgenfrig. 24 i Kraa. *Holmeegenesamlingen* har eit [bryllaupsbilete](#) av **Erik** og **Borgny Pedersen**. Han er nemnt i ein [GENIprofil](#).

De kan finne fleire nettartiklar om **Erik-Ørn Gjems-Onstad**, m.a. hjå [Wikipedia](#), [Stortinget](#), og [Store Norske Leksikon](#). Minneord m.a. i [VG](#), [Dagbladet](#) og [Asker og Bærum Budstikke](#).

Lærerinde frå Nord-Odal vart gift med ein Etnedøl Dei fann sin siste kvilestad i Ringsaker

[Arkivverket](#) syner at Strøm prestegjeld i Odalen ved kgl.res. av 10/9-1819 vart delt i to, Sør- og Nord-Odal. [Jakob Sørensen](#) og [Martha Hansdtr](#) på [Østby](#) i Sør-Odal vart 13/1-1839 foreldre til ein gut, han fekk namnet [Sigvard](#) i [Strøm krk.](#) [20/1 s.å.](#)[Vside,3.ovanfrå]. Han vart konfirmert i Nord-Odal prgj. [24/9-1859](#)[#6]. - Gardbrukarparet [Amund Gunnarson](#) og [Anne Hansdtr](#) på [Føsker](#) fekk 22/5- ei jente, ho vart døypt [Mari](#) i Nord-Odal prgj. [4/6-1843](#)[#33] og konfirmert [3/10-1858](#)[#45].

[Mari](#) og [Sigvart](#) gifta seg i [Sand krk](#) [14/6-1861](#)[#11]. Dottera [Anne](#) vart f på [Føsker](#) 8/3-, dpt i Nord-Odal [3/4-1864](#)[#42], [Marie](#) f 16/3-, dpt [18/4-1869](#)[#33], [Jakob](#) f 7/2-, dpt [6/4-1871](#)[#23], [Gurine](#), som vi skal fylgje vidare i denne stubben, fødd på [Føsker](#) 11/1-, dpt Sand krk. [1/3-1874](#)[#25], [Amund](#) f 1/1-, dpt [3/2-1878](#)[#8], [Hans](#) f 18/2-, dpt Sand krk. [26/3-1882](#)[#26], [Agnes](#) f 7/2-, dpt Sand krk. [16/3-1884](#)[#20] og [Knut](#) f 7/4-, dpt [2/5-1886](#)[#19]. Vi finn familien busett på [Føsker](#) ved [FT1865](#), [FT1875](#) og [FT1891](#). De kan lesa meir om denne familien på [side 450](#) i Nord-Odal bygdebok. Det er ei [nettside hjå «My Heritage»](#) som òg har med denne syskenflokk.

[Gurine](#) var ved [FT1900](#) «[Butikjomfru](#)» med bustad Haupbergsbakken gnr 85/4,5&6 i Biri kommune

[Nils Person](#) var son til «[medhjelper](#)» [Per Nilsson](#) og [Anne Sveinsdtr](#) på midt-Berg i Etnedal. Han var fødd 7/6, dpt i Bruflat krk. [3/7-1836](#)[#59]. Han vart gift med [Gunhild Andersdtr](#) frå [Solbjør](#). Dei vart foreldre til [Peder](#) f 18/8-, dpt Bruflat krk. [20/10-1868](#)[#58], [Anders](#) f 20/2-, dpt [10/4-1870](#)[#7], [Anne](#) f 4/11-1871, dpt [1/1-1872](#)[#1]. [Berte](#) f [13/5](#)[#25], død før kyrkjedåp. [Harald](#) f 19/6-, dpt [2/8-1874](#)[#38], [Erik](#) f 11/3-, dpt [11/6-1876](#)[#25], [Guri Beatta](#) f 26/9-, dpt [30/11-1879](#)[#40], [Bjørn](#) f 6/6-. dpt [31/7-1881](#)[#32]. Alle borna var fødde på [Solbjør](#). Vi finn familien ved [FT1875](#) på Solberg lno 646. Pant-eregister nr. 5.9A, [Realregister side 263](#) syner at garden vart overført via auksjonsskjøde dat. 26/10-, tinglyst 6/11-1886 til Ole Hansen Solberg. «*Gard og bygd i Einedal*» skriv om Solbjør på [sidene 145-150](#). Der vert det fortalt at familien flytta til [Hedemarken](#).

Det ser ut til at opplysningen om «[Hedemarken](#)» ikkje stemmer med geografien, i alle fall ikkje med korleis fylkesgrensa var mellom Oppland og Hedmark før 2020. Fåberg låg tvillaust i Oppland !

[FT1891](#) fortel at familien frå Solbjør då budde på [Nordre Lien i Saksumdalen](#), gardsnr. 100/6 i Fåberg. Her budde dei òg ved [FT1900](#), no var eldsteguten, Per Nilsson, gardbrukar. Men etter mellomspel i Fåberg – då kjem flyttinga til ‘andre [sia ta Mjøsa](#)’. Ved [FT1910](#) var [Peder Solberg](#) gardbrukar på [Gjestvang nedre](#) gnr 121/1 i Nes prgj, systera [Anne](#) var ‘husbestyrerinde. Her budde òg mor til Peder og Anne; [Gunhild Solberg](#) og systera hennar [Karen Maria](#) f 6/1-, dpt Bruflat [10/2-1839](#)[#16].

Men no lyt vi ta fatt i hovudpersonane i denne stubben, [Gurine Sigvartsdtr](#) og [Harald Nilsson](#). Vi finn dei som brur og brudgom i Oslo Domkirke [18/4-1909](#)[#44]. Vigsla vart òg notert i ministerialboka for Sand sokn [med #0](#). - [FT1910](#) syner at [Gurine](#) og [Harald](#) var forpaktarpar på [Holum gnr 2/3](#) i Nittedal kommune.

Panteregister nr 4.2b for Nes på Hedemarken fortel at fru [Gunhild Engen](#) skjøta garden [Skaars-haug gnr 136/1 i Nes](#) til [Gurine Solberg](#). Skjøta var datert 3/1 og tinglyst 4/1-1929, kjøpesum var kr. 24.500. [Gurine](#) døydd av [hjerteslag](#) på Skårshaug [12/2-1930](#)[#2] og vart [gravlagd ved Stavsjo krk.](#) DISgravminner syner at [Harald Solberg](#) døydd 11/10-1957, gravlagd ved [Stavsjo krk.](#)

Skårshaug

Gnr. 136, bnr. 1, 2. Postadr. Smedstua.

Sk.mk. 1,70. D. jord 50 daa (leirmold), prod. skog 110 daa, beite 15 daa. – Våningshus gml., uthus bygd av eieren 1925 og 1930. – Almenningsr. i Nes a. og Pihlske sameie. – 1 hest, 7 kyr, 1 okse, 1 kvige, 6 griser, 45 høns. – Eieren kjøpte garden 1923 av [Gunhild Engen](#). Han har dyrket 10 daa ny jord.

Eier: [Harald Solberg](#) – sønn av [Nils](#) og [Gundhild Solberg](#) – f. 1874, g. 1909 m. [Gurine Føsker](#).



Frå [side 897](#) i «Norske gardsbruk, Hedmark» utg 1943

På [side 166](#) i NG finn vi Skårshaug og Nygård gnr 667/1&2. Her vert det fortalt at brorsonen til [Harald](#), [Norvall Solberg](#), tok over gardsbruket til farbror sin i 1958.


Jenta frå Nord-Odal og guten frå Øystre Slidre gifta seg i Trondheim

Elen Margrethe Løfsgaard vart fødd på [Kuggerud](#) i Nord-Odal 18/12-1892. Foreldra, [Nathalie f Skinstad \(11/9-1866\[#198\]-1908\)](#) og [Arne Arnesen Løfsgaard \(1867\[#33\]-1937\)](#), hadde jenta med til dåp i [Mo krk. 3/4-1893\[#5\]](#). Vi finn [Nathalie](#) saman med mor si, enkje Eli Nilsdtr, og seks sysken ved [FT1891](#) på Fjeld i Nord-Odal. [Arne Arneson](#) budde ved [1891teljinga](#) på Kuggerud gnr 56/1 i Nord-Odal saman med far sin og stemor si. - De kan lesa om Løfsgaardfamilien på Kuggerud i «Gards- og slekthistorie for Mo sokn» på [sidene 322-323](#). **Elen Margrethe** vart døypt [3/4-1893\[#5\]](#),konfirmert i Mo krk. [26/4-1908\[#1\]](#).

Kuggerud
Gnr. 56, bnr. 1 og 2. P.adr. 2110 Slåstad.
Tlf. Gardvik 986.

D. jord 130 da (åslendjord), prod. skog 4 000 da, annen utm. 900 da. — Våningshus gml., rest. 1919, sidebygning bygd 1936, fjøs, låve og stabbur gml., garasje og vognskjul, Kugerudsetra, kole. — 2 hester, 24 kyr, 20 ungdyr, 5 griser, 100 høns. — 2 traktorer, stvogn, skjrtresker. — Garden har vært i ætten fra 1885. Eieren tok over 1951 etter moren.

Eier: Arne Løfsgaard f. 1919 — sønn av Arne Løfsgaard og Evinda f. Snørtum — g. 1951 m. Mimi Lund. Barn: Eva f. 1953, Kari 1956, Arne 1961. — Eieren leier garden Slåstedbråten i [2014](#) av Hans Marius Trøseid.



Frå «Norske Gardsbruk» – Hedmark fylke. 3 - [side 119](#)

Jøren Olsdtr (28/2-1863[#45]-9/4-1934[#2]) og handelskar **Knut Torsteinson (31/7-1853[#70]-18/3-1935[#3])** gifta seg i Hegge kyrkje [4/3-1886\[#3\]](#). Ho **Jøren** var ifrå [sørre Lykkjun \(gnr 1/5\)](#) som hørde til Vang prestegjeld [fram til 1. januar 1892](#). Vi finn henne i Løkken lno 110a i Vang prgj. ved [FT1865](#), og i Lykken søndre lno 111b, *Huroms sogn* i Vang prgj. ved [FT1875](#), då saman med systera **Ragnild** og broren **Ola**. - **Knut Torsteinson** var fødd på Nørre Li, gnr 10/2 i Skammestein, far hans, Torstein Torgeirson er nemnt i «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» [band A, side 150&160](#). Knut Torsteinson fekk skjøte på Vaarum gnr 26/7 av Ola Knutson for kr. 6000, [datert 16., tinglyst 22/1-1889](#).

Jøren og **Knut** finn vi ved [FT1891](#) busette på [Vøle gnr 26/7](#) i Øystre Slidre. Dei vart 16/5-1895 foreldre til sonen **Knut**. Han vart døypt i Hegge krk. [2/6 s.å\[#70\]](#) og konfirmert i Hegge [30/10-1910\[#4\]](#). Vi finn familien på Vøle både ved [FT1900](#) og [FT1910](#). De kan lesa meir om familien i «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» band A, [side 373-374](#). **Knut** vart uteksaminert som sivilingeniør frå Bygningsingeniørstudiet ved [NTH vårsemesteret 1920](#).



Vøle (Vårum), nordre
Gnr. 26, bnr. 7. P.adr. Heggnes.

Sk.mk. 4.80. D. jord 70 dekar (mold), anna jbr. areal 20 dekar, prod. skog 500 dekar. — Våningshus bygt ikr. 1900, uthus og buahus same tid. Stolar: Vesleskag og Rolistolen. — 2 hestar, 15 kyr, 3 ungdyr, 4 grisar, 25 sauer. — Far til eigaren kjøpte garden 1890. Eigaren tok over 1913. Han har nydyrka 50 dekar.

Eigar: Thorstein Waarum — son av Knut Ekerbakk og Jørand f. Lykken — f. 1891, g. 1912 m. Berit Grønolen. Born: Knut f. 1913, Øystein 1915, Torstein 1923 (d. 1937), Margit 1927. — Eigaren har drive som oppkjøpar av hestar og fé.

Frå «Norske Gardsbruk» – Valdres - [side 740](#)

Ellen Margrethe Løfsgaard (hiv Datter) og **Knut Waarum (ingeniør i Veivesenet)** gifta seg i [Vår Frue kirke](#) i Trondheim [6/5-1921\[#20\]](#).

«[Hvem er Hvem](#)» 1948 skriv [på side 577](#): «WAARUM Knut, overingeniør, Oslo, f. 16. mai 1895 i O. Slidre, sønn av gårdbr. Knut W. (1853—1935) og Jørend Lykken (1863-1934). Gift Ellen Margrethe Løfsgaard, f. 18. des. 1892, dtr. av distriktssjef, gårdbr. Arne L. (1867-1937) og hustru Nathalie (1866—1908).

Student 1916, bygn.ing. N. T. H. 1920. Ass.ing. Vegves. Troms 1921, vd.ing. 1925, overing. Finnmark 1938, Nordland 1941, Vegdirektoratet siden 1942, Vegdirektørens faste stedfortreder. Medl. Harstad bystyre og form.sk. 1929—34, varaordf. 1931—34, medl. Troms jernbanekom. 1929-38, Finnmark fylkesforsyningsnemnd 1939—41, form. brenselsutv. Medl. technical advis. Comm. Inland transp. London 1943—45, knyttet til Forsynings-, senere Arbeidsdept.»

Nettsida [swpetter.no](#) syner at **Ellen** og **Knut** hadde dottera **Jørend**, gift med Arnold Rothenburg. DISgravminner fortel at **Ellen** døydde i [1984](#) og **Knut** døydde i [1987](#). Dei kviler ved Hegge kyrkje.

Anne Olsdtr frå Røe i Rogne og Ola Bjørnson frå Syndei i Ulnes kom til Ovenstad i Lier


Ho **Anne** kom til verda i Åbjør – og vart døypt i [Aurdal kyrkje 5/10-1794](#)^[Hside,4.nedanfrå]. Ho sto til konfirmasjon i [Røn kyrkje 8/7-1810](#)^[#16]. Foreldra hennar var [Ola Mikjelson](#) og [Anna Andersdtr](#), dei vart ved [FT1801](#) registrerte i [Åbjør krins](#), Aurdal sokn i Aurdal prgj.

Ved konfirmasjonen vart ho skriven **Anne Olsdotter** RUDE. Familien hennar kom til [Store-Røe](#) i Rogne sokn, Slidre prgj. ikr 1804. Sjå «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» [band B side 401](#). Lat meg nemne at [Ola Mikjelson](#) er ein av mine 32 TippTippTippOldefedre.

Ein Ulnesbygding kjem på friarføter til Store-Røe, og ho **Anne Olsdtr** vert, 27 år gamal, [25/3-1821](#)^[#6] gift i Slidre prgj. med ungkar **Ole Bjørnson** Sundem (Syndei) som i kyrkjeboka vart notert med alderen 23 år. Han budde ved [FT1801](#) saman med foreldra, [Bjørn Amundson](#) og [Mali Andersdtr](#), på [Sæter](#) i Ulnes sokn, Aurdal prgj.

Anne Olsdtr og **Ola Bjørnson** vart foreldre til borna: **Marit** ^A f [Syndei](#) seige 10/6-, dpt [Ulnes krk. 26/6-1825](#)^[#32]. Ho vart notert med Hippe som bustadadresse ved konfirmasjon, [28/6-1840](#)^[#39]. Så kom **Ola** ^B f [Kjørneseige](#) 13/5-, dpt [Svenes krk. 27/5-1828](#)^[#26]. Han vart konfirmert i [Frogner krk., Lier prgj. 15/10-1843](#)^[#6]. **Mali** ^C var fødd på [Rugnus](#) 13/1-, dpt i [Ulnes krk. 27/1-1833](#)^[#8], konfirmert i [Frogner krk. 17/10-1847](#)^[#6], då skriven *Malene*. Yngstebarnet var **Kari** ^D f [Rugnus](#) 30/10-1835, dpt i [Nord-Aurdal prgj. 24/1-1836](#)^[#17]. - I [april 1839](#)^[#25-28] finn vi, i Ministerialbok nr. 10, ei innflyttingsmelding for familien til [Ovenstad](#) i Lier prgj. Dei hadde synt fram attest frå [sokneprest Steenbuch](#) datert 28/5-1840. (Den attesta synest å vera «framdatert») – Her er det òg interessant å sjå at namna *Marit*, *Mali* og *Kari* vart skrive *Maren*, *Mallene* og *Karen*.

[30/1-1846](#) fekk Ole Bjørnson tinglyst skjøte (datert 19/11-1845) på Ovenstad løpenr 355 i Lier. Ved [FT1865](#) budde **Anne Olsdtr** og **Ola Bjørnson** på Ovenstad – saman med tenestjenta Ingeborg Pedersdtr f i Sandsvær ikr 1830. - [Grunnboksbladet for Ovenstad](#) syner at **Ola Bjørnson** 18/8-1866 gav tinglyst skjøte til dottera *Malene* (**Mali** ^C) på eignedomen, som i «den nye matrikkelen» fekk [gnr 152, bnr 10](#). – «*Norske Gardsbruk*», Buskerud, utg 1948 har bilete av garden på [side 811](#).



Anne Olsdtr døydde [30/5-1872](#)^[#43]. Ho vart gravlagd ved [Tranby krk.](#) 7/6 s.å. Ektemannen **Ola Bjørnson** finn vi ved [FT1875](#) som «*Enkemand, Livvøremand*» på Ovenstad lno 355 i Heien skole-kreds, Tranby i Lier. Han budde då saman med dotter og svigersson. **Ola** døydde, 80 år gamal, [12/2-1877](#)^[#22] på Ovenstad, gravl [Tranby kyrkjegard](#) 20/2 s.å. «*Alderdomssvaghed*» er notert som dødsårsak.

Marit ^A gifta seg i Lier [10/2-1863](#)^[#4] med enkjemann **Torkild Olson**. Foreldra hans var [Ole Amundson](#) og [Anne Nilsdtr](#). **Torkild** var fødd 14/3- på [Sonsrud](#) og døypt [16/3-1816](#)^[3.ovanfrå] i [Rødenes prgj.](#) Han vart konfirmert i [Rømskog krk. 2/10-1831](#)^[#5]. Fyrste ekteskapet hans byrja i [Asker krk. 19/12-1850](#)^[#53], då han gifta seg med [Marthe Haraldsdtr Sandbækken](#) frå Lier, 29 år gamal.

Torkild Olson og **Marit** ^A budde både ved [FT1865](#) og [FT1875](#) på [Hennum søndre](#) løpenr 343c i Lier. I 1865 er det 8 personar nemnde på garden; borna [Ole](#) (f 1853, frå fyrste ekteskapet til Torkild) og **Anders Torkildson** ^{A1} f 10/5-, dpt [Frogner krk. 11/6-1865](#)^[#80], konfirmert [Frogner krk. 18/4-1880](#)^[#24]. Vidare finn vi [Harald Christensen](#), far til [Torkild Olsen](#) si avdøde kone, lægdslem [Martine Christensdtr](#), 9 år gamal samt inderst [Andrine Nilsdtr](#) og dotter hennar [Karen Nilsdtr](#). - Innan teljinga i 1875 hadde **Anders** ^{A1} fått ei syster, **Olava Martine** ^{A2}. Ho var f på [Stustad/Stuvestad\(Hennum\)](#) 1/4-, dpt [Tranby krk. 16/5-1869](#)^[#62] og konfirmert i [Frogner krk. 27/4-1884](#)^[#21]. Sjå [Stustad i Liers historie](#).

Vi finn at **Marit** ^A **Olsdtr** døydde på [Stustad 27/1-1890](#)^[#2], gravl. ved [Tranby krk.](#) 5/2 s.å. Ved [FT1891](#) budde **Torkild Olson** på [Stustad gnr 145/3](#) i Lier, han vart då skriven «*Husfaderens fader*».

Sonen **Anders** ^{A1} **Torkildson** og kona **Olava Berntsdtr** var då «*hovedpersonar*» på garden. **Torkild Olson** døydde på Stustad [21/11-1893](#)^[#29], gravlagd ved Tranby krk. 1/12 s.å.

Olava Berntsdtr og **Anders** ^{A1} **Torkildson** starta ekteskap i Frogner krk. [28/2-1890](#)^[utan nr.]. Ho **Olava** var dotter til **Bernt Olson Fosseie** og **Anne Karine Jensdtr**. Ho var fødd på **Fosseige** 27/7-, døypt i Tranby krk. [1/10-1865](#)^[#135] og konfirmert i Frogner krk. [18/4-1880](#)^[#34]. Ved [FT1875](#) budde ho og foreldra på husmannsplassen Dammen under lno 219 i Lier.

Olava og **Anders** ^{A1} fekk ein stor barneflokk, heile dusinet fullt! – Eldst var **Maren** ^{A11} f Stustad 17/8-, dpt Tranby krk. [28/9-1890](#)^[#13], konf Tranby [9/10-1904](#)^[#4]. **Torvald** ^{A12} f Stustad 3/11-, dpt Tranby [26/12-1891](#)^[#38], konf Tranby [7/10-1906](#)^[#5]. **Kaspara** ^{A13} f Stustad(Hennum) 8/1893, død [15/9-1893](#)^[#23], gravl Tranby 24/9 s.å.; tvillingsystera **Borghild** ^{A14} f 8/1893, død [10/10-1893](#)^[#23], gravl. Tranby 15/10- s.å. **Borghild Kaspara** ^{A15} f 25/12-1894, dpt Tranby [3/2-1895](#)^[#2], konf Tranby [10/10-1909](#)^[#2]. **Asta** ^{A16} f Hennum 11/10-, dpt Tranby [22/11-1896](#)^[#37]. **Martha** ^{A17} f Stustad(Hennum) 24/1-, dpt Tranby [26/3-1899](#)^[#8]. **Jenny Olava** ^{A18} f Stustad(Hennum) 16/9-, dpt Tranby [18/11-1901](#)^[#54]. **Johanne** ^{A19} f Stustad(Hennum) 20/2-, dpt Tranby [27/7-1902](#)^[#17]. **Karen Andrea** ^{A1A} f Stustad-(Hennum) 15/86-, dpt Tranby [11/9-1904](#)^[#9]. **Tora** ^{A1B} f Hennumshagen 6/2-, dpt Tranby [24/5-1906](#)^[#11]. **Kristine** ^{A1C} f Hennumshagen 14/3-, dpt Tranby [8/6-1908](#)^[#8].

Familien budde ved [FT1891](#) på [Stustad gnr 145/3](#)^[#40] i Lier. [Husliste](#)- Personskjema: [1](#), [2](#), [3](#) Dei hadde då tenestjenta(*barnepige*) [Laura Kristoffersdtr](#) f 1878. **Stustad** gnr 145/3 var og bustad for familien ved [FT1900](#). Ti år seinare, ved [FT1910](#), budde dei på plassen Hennumshagen. (Husfaren **Anders Torkildson** var då «*Arbeider i marmorbrud [Gjellebekk?]*). Grunnboksbladet syner at [Anders G Hennum](#) i 1905 [fekk auksjonsskjøte på Stustad gnr 145/3](#). Skjøta var datert 10/2. tinglyst 20/2-1905. (Sjå og [nettsida om Stustad](#) i «*Liers historie*» og [omtale av garden](#) i «*Norske Gardsbruk* utg. 1948»).

Maren ^{A11} **Andersdtr** finn vi i [FT1910](#) som «*Butikjomfru*» hjå farsystera **Olava Martine** ^{A2} **Torkildsdtr** på [Trogstad](#), Sande i Vestfold. Veslesyster hennar, **Martha** ^{A17} var då fosterdotter hjå **Olava** og ektemannen **Haakon Hansen**. – **Haakon**(Haagen) var f på Gjellebekk i Lier 26/11-1848, dpt Tranby krk. [21/14-1849](#)^[#6], son til gjestgievar [Andreas Hansen](#) og [Berte Andrea Berntsdtr Renskog](#). [FT1900](#) syner at **Olava** ^{A2} og **Haagen** då budde på [Vivelstad](#) meieri gnr 39/36 i Lier.

Torvald ^{A12} **Stustad** gifta seg i [Bragernes krk. 21/4-1923](#)^[#38] med **Valborg Andresen**. Det vart notert i kyrkjeboka(konfirm.) for Torvald: «*att for ægtesk til Orm 28-3-23*». **Valborg** var dotter til *smedsvend* **Aksel Andresen** og **Kristiane Olsen** i Storgaden, f 11/11-, dpt Bragernes krk. [26/12-1903](#)^[#174]. Nettsida «[stustad.com](#)» har ei stor slektsoversikt for etterkomarane til **Torvald** og **Valborg**. DIS-Gravminner syner at **Torvald** ^{A12} døydde [12/6-1985](#), gravl 16/7-1985 medan **Valborg** i same base er notert [bisett 22/3-1969](#). Dei kviler på Bragernes kyrkjegard.

Borghild Kaspara ^{A15} fann seg ektemann som ikkje var fødd i «*nærmiljøst*». **Håkon Sten Fagnæs** var son til inderstparet **Sakarias Steffensen** f 1861 og **Marit Christensdtr** f 1870. Han var fødd i [Bredvig](#) 11/4-, dpt i [Gildeskål krk. 19/6-1892](#)^[#22], konf Gildeskål [30/6-1907](#)^[#16]. **Håkon** er nemnd saman med foreldra og brørne **Sigurd** f 1895 og **Johan** f 1897 ved [FT1900](#) i Breivik gnr 43/5 i Gildeskål. [FT1910](#) kallar bustaden til familien Breivik vestre.

Håkon Sten og c ekteskapet i Tranby krk. [9/6-1925](#)^[#2]. Dei fekk m.a. borna **Marie Olava** ^{A151} f 1925, død 1925, gravl. ved Tranby krk. [29/11-1925](#) og **Sverre** ^{A152} f 20/8-, dpt Frogner krk. [26/9-1926](#)^[#41]. **Håkon Sten** var då «*Natvakt v. Lier Asyl*». DIS-gravminner fortel at **Håkon Sten** døydde i [1939](#), gravl Tranby 24/6 s.å. - **Borghild Kaspara** ^{A15} døydde [1983](#), gravl Tranby 13/10 s.å.



Tranby krk.

Martha ^{A17} var, som før nemnt, ved [FT1910](#) registrert som fosterdatter til farsystera **Olava Martine** ^{A2}. **Torkildsdtr** og **Haakon Hansen**. Ho vart confirmert i [Sande krk. 4/10-1914](#)^[#37]. Hå DIS-gravminner finn vi at ho døydde [25/6-1978](#) og vart gravlagd på Sande kyrkjegard 30/6 s.å. Her deler ho gravstein med **Peder Kortnes**. Han var son til **Ole Pederson** og **Kari Olsdtr** på [Kortnes](#) i Lier, fødd 26/12-1895, dpt Frogner krk. [9/2-1896](#)^[#7]. Han døydde iflg. DISgravminner [23/2-1983](#), gravl 2/3 s.å.

Vi finn vidare at **Jenny Olava** ^{A18} fekk sonen **Rolf** ^{A181}. Han var f 14/4-, dpt Tranby [8/6-1923](#)^[#12]. Faren var *Lokomotivspirant* Ragnvald Andreas *Setnanborg?*. DISgravminner syner at **Rolf** døydde [28/11-1986](#), gravl. 11/5-1987 ved Tranby krk. Under same gravstein kviler **Anny Marie Stustad** (27/6-1926 – 1/12-1962).

Mali ^C fekk [18/8-1866](#) skjøte på Ovenstad lno 355 i Lier. Ho vart gift [13/6-1873](#)^[#24] i Frogner krk. med ungkar **Bernt Hansen**. Han var son til **Hans Berntson** og **Anne Pedersdtr** på [Kjenner](#), f 27/3-, dpt i Tranby krk. [27/5-1833](#)^[#72] og confirmert i Lier prgj. [22/8-1848](#)^[#7]. [FT1865](#) plasserer Bernt saman med foreldra og syskena Kristoffer, Anne og Jørgine på Kjenner lno 373a1 i Tranby sokn, Lier. Sjå òg [Kjenner, Bruk I i Liers historie](#). – **Mali**(Malene) ^C og **Bernt** budde på Ovenstad ved [FT1875](#), då saman med livaursmann **Ola Bjørnson**, far til Mali, opfostringsbarn **Edvard Olai Pedersen** f 1870 i Kristiania og tenestjenta **Maren Pedersdtr** f 1854 i Asker. – [FT1891](#) syner **Mali** og **Bernt** saman med *indlægsgut* **Karl Hansen** f 1882 i Kristiania og *indlægs pige* **Jenny Matilde Andreasdtr** f 1888 i Lier. Farsyster til **Mali, Olava Martine** ^{A2}, var tenestjente. Ovenstad fekk i [Matrikkelen av 1886](#) gardsnr 152, bruksnr 10. Ved [FT1900](#) hadde **Mali** og **Bernt** pleiedotter **Marta Emilsdtr** f 1887 i Lier og tenestjente **Malia Thoresdtr** f 1863 i Lier.

Mali ^C døydde på Ovenstad [19/11-1903](#)^[#5], gravl Tranby kyrkjegard 28/11 s.å. **Bernt Hansen** døydde [22/7-1909](#)^[#4], gravl. Tranby kyrkjegard 28/7 s.å.

Gardshistorie for Ovenstad (Bruk II) finn de i [avsnittet Onstad i Liers historie](#). Panteboksblad for eigedomen finn ein i [Panteregister.reg V 10a](#). – [Omtale av garden i «Norske gardsbruk» 1948](#).

Kari ^D gifta seg [3/12-1865](#)^[#32] med møllekjører, enkjemann **Peder Torkelsen** Dramsdahl. Han var fødd på Stablum([Stavlum](#)) i Eiker 11/9-, dpt i Eiker prgj. [2/10-1814](#)^[#73], confirmert [3/5-1829](#)^[#27]. Foreldra var **Torchild Mortenson** og **Anne Nilsdtr**. Ved [FT1865](#) budde **Kari** ^D og **Peder** i Treschow-veien i Kristiania (gaard no. 301). Guten **Christian Pedersen** er skriven «*deres søn*», men her har teljaren truleg teke feil, han er heller son *frå fyrste ekteskapet* til **Peder**.



Postkort frå Lier

Lars Jensson og Siri Aslagsdtr kom til Asdølbråten i Lier

Men dei hadde planlagt å reise til Amerika

Tore- og Henrik Julsøner Måno var forlovarar [12/11-1831](#)^[#30]. Denne dagen var det bryllaup i [Aurdal kyrkje](#). Den dagen ga **Siri Aslagsdtr** og **Lars Jensson** ja-orda til kvarandre. Ho **Siri** var dotter til **Aslag Jensson** og **Dørdei Knutsdtr** på [Håe](#); ho var fødd i Åbjør 20/3-, døypt i Aurdal krk. [8/4-1810](#)^[Hside,nedst] og konfirmert i Aurdal [3/7-1825](#)^[#25]. Ho var fadder til syskenbarnet **Syver Syverson** i Aurdal krk. [25/12-1825](#)^[#75]. – Lars var fødd på Månemarken, døypt i Aurdal [24/5-1801](#)^[Vside,øvt] og konfirmert i Aurdal [4/8-1816](#)^[#4]. Foreldra hans var **Jens Larsson** og **Barbro Erlingsdtr**. Dei var ved [FT1801](#) registrert på [Maanum](#)(Måno), Aurdal prgj. **Lars Jensson** var tremenning med ein av mine 8 tippoldefedre.


Siri og **Lars** vart foreldre til seks born; dei fem eldste fødte på Måno, den yngste vart notert med Leren(Leira) som fødestad. Fyrst kom **Jens** ^A f 27/11-, dpt [25/12-1833](#)^[#7], han døydde i Månobygden [3/11-1834](#)^[#33], gravl. Aurdal kyrkjegard 15/11 s.å. **Knut** ^B f 9/10-, dpt [1/11-1835](#)^[#85], konf Aurdal [10/11-1850](#)^[#24]. **Maria** ^C f 20/12-1839, dpt [2/2-1840](#)^[#9], konf [Sylling krk.](#) Olsok [29/7-1855](#)^[#19]. **Dorthe** ^D f 3/11-, dpt [25/12-1842](#)^[#70], konf [Sylling krk.](#) [30/8-1857](#)^[#10]. **Jens** ^E f 9/6-, dpt Aurdal [20/6-1847](#)^[#30], konf [Sylling](#) [11/10-1863](#)^[#5]. **Anders** ^H f 9/5-, dpt [Skrautvål kyrkje](#) [16/6-1850](#)^[#23]. konfirmert [Sylling](#) [30/9-1866](#)^[#11].

[7/6-1852](#)^[#57-63] fekk familien utflyttingsattester med reisemål Amerika. Dit kom dei ikkje! Dei lyt ha busett seg i Lier innan hausten 1855, men eg har ikkje funne dei i listene over innflytte til Lier prestegjeld. Dei vert nemnde på *Bråtan* under Asdøl i «[Liers historie](#)».

Ved [FT1865](#) finn vi **Sigrid** og **Lars** samt sonen **Anders** ^H busette på [Asdølbråten](#). Her er og ein [inderst](#), dagarbeidar **Ole Larsen**, 71 år gamal, fødd i *Vang i Valdres*. Eg vel å tru at **Dorthea Larsen**, tenestjente hjå skipsfører **O Andreas Knudsen** m familie på *Bragerøen* i Drammen, er «vår» **Dorthe** ^D. Like stor tru har eg på at **Marie Larsdtr**, *tjenestepige* hjå gardbrukarfamilien **Christofferson** på [Hellum i Tranby](#), løpenr 275a2 i Lier, er «vår» **Maria** ^C. Endå sikrare er eg på at det er **Jens** ^E som er *Tjeneste-karl* på [Svang](#) i [Sylling](#) ved [FT1865](#).

Ti år seinare, [FT1875](#), bur **Sigrid** og **Lars** framleis på [Asdølbråten](#) saman med dottera **Maria** ^C. Ho «*ernærer sig ved Dagarbeide*». Ho har ei dotter, **Anna Elise** ^{Cl} (skriven Anne Cecilie i [FT1875](#)), f på [Asdøleige](#) 26/8-, dpt [Sylling krk](#) [1/11-1874](#)^[#162]. «*Opgiven Fader*» var «*Ungk og Arbeider Anders Erlandsen, for tiden opholdende sig i Aker*».

Maria ^C. gifta seg i [Sylling krk.](#) [7/3-1879](#)^[#3] med ungar, møllar **Peder Hansen**. Han var fødd på [Asdøl](#) 27/9-1852, dpt i [Sylling](#),. [16/1-1853](#)^[#7], konf [Sylling](#) [2/10-1870](#)^[#12]. Foreldra hans var møllar **Hans Thorsen** og **Liv Pedersdtr**. - Dei vart foreldre til **Hans** ^{C2} f [Asdøl](#) 6/5-, dpt [15/9-1879](#)^[#111], konf [Sylling](#) [7/10-1894](#)^[#15] og **Lars** ^{C3} f [Asdøl](#) 14/4-, dpt [Sylling](#) [30/5-1886](#)^[#12].



Postkort - Sylling

Maria ^{C1} og **Peder**, skriven *Korn-Møllemeister og bruger af jord* finn vi ved [FT1891](#) busette i Dalen gnr 198/1 i Lier, saman med **Anna Elise** ^{C1} og sønene **Hans** ^{C2} og **Lars** ^{C3} **Pedersøner**.

Familien budde ved [FT1900](#) på Nordli(Asdøl) [gnr 198/7](#) i Lier. Det ser ut til at teljaren har blanda fødestadane til husfar og husmor. - [FT1910](#) syner at **Peder Hansen** har skifta yrke, frå møllar til [vegvaktar](#), han og **Maria** ^{C1} bur framleis på Nordli. Ho døydde [22/11-1919](#)^[#9], gravl. Sylling 3/12 s.å.

Fattiglem **Lars Jensson** døydde på Åsdøl [23/12-1886](#)^[#23]. Ved FT1891 budde enkja **Sigrid Aslaksdtr** i Dalen, gnr 198/1 i Lier; hjå dottera **Maria** ^{C1} og familien hennar. - *Fattiglem, enke Sigrid Aslaksen* fødd på *Haai i Nordre Aurdal i Valdres* døydde på Asdøl [4/2-1899](#)^[#2]. Ho vart gravlagd ved Sylling krk. 19/2 s.å. Ho fekk ein høg alder, 89 år – og dødsårsaka vart skriven *Aldersomsvaghead*.

Hans ^{C2} vart [25/6-1897](#)^[#4] gift med **Lovise Knudsen** Rustand. Ho var dotter til **Knud Iverson** og **Andrine Olsdtr**, fødd på *Mæreneige* 19/9-, dpt Frogner krk. [23/12-1877](#)^[#184], konfirmert Sylling [2/10-1892](#)^[#16]. **Lovise** vart registrert i [FT1891](#) på Kvistås gnr 77/10 i Mære teljekrins (*Husliste*). **Knud** og **Andrine** finn vi i [FT1900](#) på *Sølie gnr 175/5* i Lier. **Lovise** og **Hans Pederson** finn vi i [FT1900](#) som leigebuarar på Asdøl-Granli under gnr 198/2 i Lier. [FT1910](#) kallar bustaden Grønli under gnr 198 i Tveiten teljekrins i Lier. **Lovise** er med i ein [GENIprofil](#).

Folketælling for Kongeriget Norge 1ste Januar 1891.

Lier Herred. Schema 2. Personseddel No. *3*

Tællingskreds No. *5*. Husliste No. *60*

1. Fuidt Navn *Lovise Knudsdatter*

2. Kjøen¹⁾: Mandkjøn, Kvindekjøn.

3. Stilling til Familiens Hovedperson¹⁾: Selv Hovedperson, Hustru, Søn,
Datter, Tjenestetyende, Logerende hørende til Familien, enslig
 Logerende, Besøgende

0. S. V.

Lovise og **Hans** ^{C2} vart foreldre til: (alle borna notert med fødestad Asdøl, døypte og konfirmerte i Sylling krk.) **Astrid Antonie** ^{C2A} f 28/9-, dpt [21/11-1898](#)^[#12], død [14/10-1903](#)^[#11], gravl 22/10/s.å. **Peder** ^{C21} f 31/3-, dpt [22/5-1899](#)^[#6], død Grønli [13/5-1912](#)^[#7], gravl Sylling 20/5 s.å. Notert dødsårsak var «*Meningitis*». **Knud** ^{C22} f 30/9-, dpt [11/11-1900](#)^[#18], konf Sylling [3/10-1915](#)^[#6]. **Marie** ^{C23} f 3/1-, dpt [8/3-1903](#)^[#4], konf [7/10-1917](#)^[#15]. **Lars** ^{C24} f 28/9-, heimedpt [11/12-1904](#)^[#20], [død same dag](#)^[#12], gravl Sylling 17/12-1904. **Astrid** ^{C25} f 20/9-, dpt [17/11-1907](#)^[#21], konfirmert [24/9-1922](#)^[#13]. **Gudrun** ^{C26} f 17/10-, dpt [25/12-1909](#)^[#28], konf [5/10-1924](#)^[#7]. **Helga Lovise** ^{C27} f 22/10-, dpt [25/12-1913](#)^[#20]. **Peder** ^{C28} f 31/10-1916, dpt [4/3-1917](#)^[#3].

Hjå DISgravminner finn vi at **Knud** ^{C22} **Asdøl** døydde [22/3-1981](#), gravl Sylling 26/10 s.å. Eg går ut frå at faren, møllar **Hans** ^{C2} **Asdøl** kviler under same gravstein(*Asdøls Familiegrav*), gravl [26/9-1966](#). Ei **Gudrun Bakkerud** (f 17/10-1909) er gravlagd ved Frogner krk., Lier – eg undrast på om dette kan vera **Gudrun** ^{C26}. I så fall var ho gift med **Einar Bakkerud** f 22/1-, dpt [21/2-1909](#)^[#6], konf Sylling [5/10-1924](#)^[11]. Foreldra hans var snikkar **Amund Andreassen** og **Anna Marie Edvardsen**.

To brør frå Stugarden i Hedalen kom til Lier

Anders Kristenson og Jøren Olsdtr finn vi på Skut(t)estad

Kristen Haraldson og Marit Jonsdtr frå Stugarden hadde med eit gutebarn til stavkyrkja i Hedalen 26/6-1803 [Vside,4,ovanfrå]. Her fekk guten namnet **Anders**. Faddrane kom frå Stugarden og Nordby. **Anders** vart konfirmeri i Hedalen 10/10-1819 [#42]. - Bror til Anders, **Peder(Per)**, vert hovud-person i neste stubb. Ein yngre bror, **Levor**, vert omtala i stubben «Skreddermester og Kjøbmand i Risør, Kjøbmand og Proprietær i Sem». **Anders** er nemnd på s 110 i Gard og bygd i Sør-Aurdal bd. D.

Anders la friarvegen sin forbi stavkyrkja, til Jørاندby. Jenta han fridde til hadde om lag same førenamn som garden ho budde på. **Anders** og **Jøren Olsdtr** gifta seg i Hedalen 8/10-1838 [#10]. **Jøren** var fødd på Jørاندby, ho var truleg dotter til Ola Syverson og Guri Haraldsdtr, døypt i Hedalen 8/1-1804 [Hside,nedst]. Sjå òg «Gard og bygd i Sør-Aurdal» band D, side 218. SAGA har same løysing.

Jøren og **Anders** vart foreldre til **Ola** f Bertelrud 16/1-, dpt Hedalen 20/6-1841 [#64], konfirmert 1/7-1856 [#10] i Syilling krk., Lier – og **Marit** f døypt i april? i Hedalen [avrive kyrkjebokblad]. Ho vart konfirmert 25/9-1859 [#1] i Syilling krk.



Familien fekk 27/9-1847 [#14] med seg utflyttingsattest frå Sør-Aurdal prgj. med reisemål Lier prestegjeld. Attesta vart kontraført i Lier [#39-42] **Anders** vart då skriven *Gaardbruger* og familien «*opholder sig*» på Skustad. Panteregister IIb for løbenr 165a, (Gaards nr 180) Skustad nedre, syner at Hans Larsen gav skjøte til **Anders Kristensen Bertelrud** datert 20/3, tinglyst 4/5-1847. **Ola** f **Anderson** overtek eigedomen med skjøte av 25/8-, tgl 23/10-1885 frå *Anders Kristensens Arvinger*. Eg vil tru det er broren **Peder Kristenson** som har bodsendt bror sin for å «sjå på» garden som var til sals i Syilling.

FT1865 syner at familien då budde på Skutestad(nedre) lno 405a i Lier prgj. Dei var å finne på same adresse også ved FT1875. **Ola** f var då skriven *gaardeier, handelsbetjent*.

Ola f **Anderson** gifta seg i Syilling 12/11-1880 [#38] med **Kirsti Olsdtr** frå Drag. Ho var dotter til Ole Gunderson og Berte Svendsdtr, f Drag 16/4-, dpt Syilling 2/6-1844 [#62], konf Syilling 25/9-1859 [#4]. **Ola** f vart ved FT1891 skriven «*Gaardbruger og Landhandler*». Han og **Kirsti** hadde då **Anton** f Hansen (systemson til Ola) som «*Tjenestedreng ved Gaardsbruget*». Bustadadressa [#3] var då Skustad nedre gnr 180/2,3 (Husliste). Ved FT1900 vart **Ola** f notert som *gift, Føderaadsmann*. **Kirsti Olsdtr** vart ved FT900 registrert på Drag gnr 186/3 som *husholderske* for den eldre broren Anders Olsen. **Ola** f døydde på Skustad 18/2-1903 [#3], gravl Syilling 13/2 s.å. Dødsårsak vart skrive «*Kræft-svulst*». Vi finn **Kirsti** ved FT1910 busett på Drag, då registrert som ugift. Ho døydde av *Slagtilfelde* på Drag 18/12-1916 [#1], gravl Syilling 4/1-1917. «*Enke efter Ole Skustad*» vart notert i Ministerialboka.

Marit f **Andersdtr** gifta seg i Syilling krk. 11/10-1867 [#29] med **Hans Olson** Røine. Han var son til Ole Ellingson og Sigrid Pedersdtr, fødd 14/10- på Rud i Sigdal, dpt i Sigdal krk 8/11-1840 [#76] og konfirmert i Sigdal 12/10-1856 [#29]. Ved FT1865 var han «*GaardbSelveier*» på *Røne søndre med Skutestad søndre*. Han vart ved FT1875 skriven *husfader, bruger*. Sjå òg Liers Historie, søndre Røine bruk IIa - samt Panteregister for lno 412^{a,b,c}.

Hans og **Marit** f hadde borna **Olava** f Skustad 9/10-, dpt 25/12-1867 [#173]. **Anton** f Røine 6/3-, dpt 3/4-1870 [#47]. **Jørgen** f Røine 10/2-1872, dpt Syilling 26/1/1873 [#7], konf 2/10-1887 [#21]. **Stina** f Røine 7/3-, dpt Syilling 17/5-1875 [#78], konf 6/10-1889 [#10]. **Ole** f Røine 25/2-, dpt Syilling 19/4-1878 [#55], konf 2/10-1892 [#10]. **Karen Olava** f Røine 9/10-, dpt Syilling 25/12-1881 [#224], konf 4/10-1896 [#3]. **Hilda Marie** f Røine 16/8-, dpt 26/12-1885 [#20], konf Syilling 1/10-1899 [#10].

Gift gardbrukar **Hans Olson** døydde av tæring på Røine [26/5-1888](#)[12], gravlagd ved Sylling krk. 3/6 s.å , jordfesta 17/6-1888. Ved teljinga 1891 vart **Marit ^B Andersdtr** notert som «*Hovedperson*» og *Forpagter* på [Foshaugen, gnr 180/3](#) - ([Husliste](#)). Til stades ved teljinga var borna **Ole ^{B5}**, **Karen Olava ^{B6}** og **Hilda Marie ^{B7}**. Eg trur vi finn **Jørgen ^{B3}** som *Jord- & skogsarbeidar* og **Stina** som tenar (*Husarbeide*) på Skjeggerud gnr 167/1 i Lier.

[FT1900](#) syner at **Jørgen ^{B3} Hansen** då vart skriven «*Gaardb Selveier Landhandler*» på Skustad gnr 180/2 & 3. Vidare finn vi mor hans, **Marit ^B Andersdtr**, systera **Hilda Marie ^{B7}**, broren **Ole ^{B5}**, systera **Stina ^{B4}** samt morbroren **Ola ^A Anderson**.

Jørgen ^{B3} Hansen gjekk inn i ekteskap i [Fagerborg krk.](#), Kristiania [2/4-1905](#)[#14]. ([KB Lier u nr](#)). Brura var **Elise Andreassen**, dotter til [Andreas Jacobsen](#) og [Anne Steffensdtr](#). Ho var f på [Hørteiege 22/9-](#), dpt Sylling [25/11-1883](#)[#23], konf Sylling [2/10-1898](#)[#23].

[Folketeljinga 1910](#) for Skustad nedre, gnr 180/2, fortel at **Jørgen ^{B3}** og **Elise** bur på garden saman med to døtre og tenestjenta Anna Andreassen. Døtrene var **Hilma ^{B31}** f 25/11-1905, dpt Sylling [21/1-1906](#)[#1] og **Aslaug Marie ^{B32}** f 30/11-1907, dpt [29/3-1908](#)[#7]. Syskenflokket aukar vidare med **Marit ^{B33}** f 17/3-, dpt [7/5-1911](#)[#8] og **Hans Olav ^{B34}** f 20/10-1916, dpt [18/2-1917](#)[#1]. - Enke **Marit ^B Andersdtr** døydde [16/4-1918](#)[#7], gravl Sylling 24/7 s.å.

Stina ^{B4} gifta seg i Sylling krk [28/12-1900](#)[#5] med **Martin Kristiansen**. Han var frå [Fuglerud](#) i Sylling, f 31/10-1868, dpt [21/3-1869](#)[#28]. Foreldra hans var [Kristian Andersen](#) og [Helene Madsdtr](#).

Martin og **Stina ^{B4}** fekk borna **Hans Kristian ^{B41}** f 28/9-, [dpt Bragernes krk. 27/10-1901](#)[#169] og **Martha Helene ^{B42}** f Landfaldøen 2/2-, [dpt Bragernes 6/3-1904](#)[#28]. – DISgravminner syner at **Martin** vart gravlagd på Bragernes kyrkjegard [14/11-1830](#); **Stina ^{B4}** vart gravlagd same stad 14/1-[1953](#). **Hans Kristian ^{B41}** kviler og på same kyrkjegard, gravlagd [4/4-1956](#).

Ole ^{B5} (*snedker*) og **Hilda Marie ^{B7}** (*sypige*) budde ved [FT1910](#) saman med mor si, **Marit Andersdtr** på Grønlund gnr 174/13 i Lier. – **Hilda Marie ^{B7}** vart i Sylling krk [15/1-1921](#)[#1] gift med **Kristian Bakkerud**, son til snikkar [Andreas Amundson](#) og [Elen Andrine Kristiansdtr](#). Han var fødd på [Bakkerud](#) 18/2-, dpt Sylling [15/4-1881](#)[#50], konf Sylling [6/10-1895](#)[#12]. DISgravminner syner at ektefolka vart gravlagde ved Sylling krk. **Kristian** [13/12-1952](#) og **Hilda Marie ^{B7}** [2/7-1956](#).

Karen Olava ^{B6} henta ektefelle med fødestad eit godt stykke frå Lier. **Johan Breder Soot** kom til verda på [Soot i Mangen](#), Aurskog 12/3-, dpt i Aurskog krk [19/6-1885](#)[#22]. Foreldre: Ole Pederson og Anna Dorthea Kristoffersdtr. Familien budde ved [FT1900](#) på Sot(vestre stue9 gnr 2/1 i Aurskog. **Karen Olava ^{B6}** og **Johan Breder** gifta seg i Sylling [29/10-1910](#)[#12]. [FT1910](#) fortel at dei då budde på «[Sylling Arbeiderforening](#)». Her bur og [Vilhelm Soot](#), bror til **Johan**. Båe karane var *tømmerhoggarar*.

Ole ^{B61} Soot vart f på Ask i Lier 5/10-, dpt Sylling [25/12-1912](#)[#27]. Systera **Magda Dorthea ^{B62}** kom til verda 30/12-1917, dpt Sylling [3/3-1918](#)[#3]. - Hå DISgravminner vert det opplyst at **Johan** døydde [28/3-1942](#) medan **Karen Olava ^{B6}** døydde [29/9-1966](#). Sonen **Ole ^{B61} Soot** døydde [26/6-1999](#). Dei kviler alle på Sylling kyrkjegard.



Postkort - Lier


Per Kristenson, bror til Anders, var òg innom i Lier

Per var fødd i Stugarden eit par år etter **Anders** i førre stubb. Han vart døypt i Hedalen [6/1-1805](#)^[Hside,øvst] og konfirmert i same kyrkje [30/9-1821](#)^[#29]. Den neste kyrkjelege handlinge han er nemnd i, var då han sto brudgom, også denne gongen i stavkyrkja i Hedalen [21/6-1829](#)^[23]. Brura var **Beret Mikjelsdotter**. Ho var fødd på [Tronhuseige](#) og døypt i Bagn kyrkje [15/4-1804](#)^[Vside,5.ovanfrå] og konfirmert i Bagn [1/8-1819](#)^[#17]. Foreldra hennar var **Mikjel Arneson** og **Beret Knutsdtr**. Bygdeboka har plassert denne familien på [Hansebrøtahaugen](#)^(Kart). De kan også finne **Peder** hjå «[Historisk befolkningsregister](#)» med id = [pf01052124007624](#).

Beret og **Per** vert foreldre til: **Kristen** ^A f 11/9-, dpt [26/9-1829](#)^[#81], konf Sylling [4/5-1845](#)^[#22]. **Beret** ^B f 23/4-, dpt [12/6-1831](#)^[#55], konf Sylling [21/6-1845](#)^[#7]. **Mikkel** ^C f [Stugaardsbraaten](#) 7/8-, dpt Bagn krk. [29/9-1833](#)^[#52], død i Hansebrøtahaugen [11/5-1839](#)^[#9], gravl. v Bagn krk 8/5 s.å. **Harald** ^D f 9/8-, dpt Hedalen [16/8-1835](#)^[#52], død [19/1-1837](#)^[#7], gravl Hedalen 28/1 s.å. **Jon** ^E f 24/1-, dpt Hedalen [26/2-1837](#)^[#25], konf Lier prgj. [13/7-1851](#)^[#14]. Det ser ut til at han budde på Røine i Sylling v konf.

Peder, **Beret** og borna **Kristen** ^A, **Beret** ^B og **Jon** ^E flytta frå *Hedals Annex i Ourdahl* til [Røine i Sylling](#). Attesta dei hadde med var datert [21/4-1840](#)^[#11-14], men innflytting er notert til å vera i 1838. *Kone Beret Mikjelsdotter* døydde på Røine [3/1-1858](#)^[#7], gravl 14/1 s.å ved Sylling krk.

Han **Per**(Peder) vart enkjemann i godt og vel fem år. [19/7-1863](#)^[#16] finn vi han som brudgom i Sylling krk. Han vart då skriven «*Røinedokka*». Han gifta seg med pige **Birgith Knudsdr**, 40 år gml. frå *Aals Pstgld*. Så vidt eg kan sjå, er vel dette **Birgit Knutsdtr**, f 12/9-, dpt Ål krk. [5/10-1823](#)^[#66], uekte dotter til **Knut Solvesen** og pige **Anne Olsdtr**. (Sjå [stubben om parallellnamn](#)) **Birgit** og **Per** vart foreldre til sonen **Mikael** ^H, f Røine 13/12-1863, dpt Sylling [17/1-1864](#)^[#4], konfirmert Sylling [12/10-1879](#)^[#18]. – Familien budde ved [FT1865](#) på [garden Jahr](#) lno 47, [Fossum jernverk](#) krins i Asker prgj.



Ved [FT1875](#) er familien attende i Lier, dei var busette på *Røinedokka* lno 413c. Dei hadde fått ei dotter, **Berthe** ^I, f 7/2-, dpt Sylling [21/4-1867](#)^[#56], konf Sylling [22/10-1882](#)^[#17].

Per Kristenson Røinedokken (fattiglem) døydde [25/5-1884](#)^[#33], gravl Sylling 1/6 s.å.

Beret ^B **Pedersdtr** gifta seg [28/12-1856](#)^[#46] med skomakar **Anders Svendsen**, son til **Svend Andersen** og **Siri Olsdtr**. Han kom til verda 17/12-1825 på [Drag i Lier](#), dpt i Sylling krk [1/1-1826](#)^[10], konf Sylling [18/6-1842](#)^[#16].

Sonen **Martin Andersson** ^{BI} vart f på Røineeige 15/5-, dpt Sylling [17/6-1860](#)^[#106]. Eg har ikkje funne fleire opplysningar om han, han er ikkje å finna saman med foreldra i teljingane.

Beret ^B og Anders budde ved [FT1865](#) på [Drag søndre](#) lno 419c1 i Lier prgj. Teljinga i [1875](#) nytta namnet [Steglehaugen](#) om same matrikkelnummer. [FT1891](#) syner at [Steglehaugen](#) i den nye matrikkelen fekk gnr 186/4. [FT1900](#) skriv gnr 186/4 [Drag](#) medan [FT1910](#) har nemninga [Drag](#), [Steglehaugen](#) for gnr 186/4. – Ved teljinga 1900 budde guten **Petter Marinus Pedersen** f 1891 i Drammen hjå **Beret** og **Anders**. Merknaden fortalde at han «*Forsørjes af Fattigvæsenet*».

Kone Beret ^B **Pedersdtr** døydde på [Steglehaugen](#) under [Drag](#) [30/6-1918](#)^[#9], gravl på Sylling kyrkjegard 6/7 s.å. Dødsårsak vart notert som *kræft. Enkemand, Rentenist Anders Svendsen*, døydde på [Drag](#)([Steglehaugen](#)) [30/6-1919](#)^[#10], gravl Sylling 5/7 s.å. Dødsårsak: *Alderdøme*

Tomas og familien kom til Vefferstad, ikkje til Amerika

Her lyt eg be om årsaking for ikkje å ha laga merknad til bygdebokmanuskriptet for Nord-Aurdal

[Ulrik Tomasson](#) og [Jøren Olsdotter](#) i Fødnes vart 23/7-1818 foreldre til ein gut, Han fekk i [Ulnes kyrkje 6/9-1818](#)^[#26] namnet **Tomas**. Han vart einaste guten i syskenflokket([odelsgut](#)), han hadde ei eldre og 4 yngre systre. Han sto til konfirmasjon [5/6-1831](#)^[#31].

Marit Erlandsdtr var dotter til husmannsparet frå [Førseige](#) i Svenes sokn, [Erland Anderson](#) og [Anne Olsdotter](#). Ho var fødd 7/9-, dpt i Svenes kyrkje [27/9-1818](#)^[#27] og konfirmert i Aurdal kyrkje [7/10-1832](#)^[#17].

Tomas og **Marit** gifta seg [5/6-1838](#)^[#16]. **Marit** vart då skriven Onstad. Forlovarane var båe frå Fødnes, [Gulbrand Olson](#) og [Embrik Knutson](#). Realregistersida for [Fødnes nordre](#) lno 182a & 183a syner at **Tomas** hadde overteke garden frå far sin med skjøte [datert 27/10-, tinglyst 28/10-1837](#).

Ektefolka fekk sonen **Ulrik** ^A f 4/12-, dpt [26/12-1839](#)^[#3], død [1/5-1840](#)^[#13], gravl ved [Svenes krk.](#) 7/5 s.å. Neste barn får same namn, **Ulrik** ^B f 9/3-, dpt [17/4-1841](#)^[#44], konfirmert Sylling [13/6-1856](#)^[#3]. Deretter kom **Erland** ^C, f 4/11-, dpt Svenes krk [17/12-1843](#)^[#22], konf Sylling [25/9-1859](#)^[#24]. **Ola** ^D f 10/6-, dpt Svenes [21/6-1846](#)^[#9], konf Sylling [5/10-1862](#)^[#12], død [16/1-1877](#)^[#7], gravl 24/1 s.å.



Fødnesgardane sett frå Høgesyn – Foto OHF 20. mai 2004

Tomas Ulrikson selde garden sin i Fødnes til [Knut Halsteinson](#) med skjøte dagsett 28/6-, tinglyst 5/12-1850. Familien hadde flytta til [Vefferstad i Lier](#) innan neste barn kom til verda. [Liers histo-rie](#) fortel at **Tomas Ulrikson** kjøpte Vefferstad(*Delekant*) løpenr. 198b1 i Frogner sokn i Lier i 1848. Ved overgang til den nye martikkelen fekk [garden gnr 86/2](#). Arvingane selde garden i 1892.

Familien er nemnde i [innflyttarlista \(1848?\)](#)^[#73-77]. *Hendsigten af Indflytningen* var «Jordbrug» og «Den Indflyttedes Opholdsted» var Wefferstad.. Familien kom frå *Ourdal* og hadde «medbragt attest fra Sognepræsten i Ourdal 2 Aug 1848».

Etter å ha slege nye røter i Lier aukar barneflokket. Sonen **Jørgen** ^E vart fødd på Vefferstad 29/8-, dpt Sylling [21/10-1849](#)^[#163], konf Sylling [30/9-1866](#)^[#12], død [7/3-1877](#)^[#18] gravl 15/2 s.å. **Anne Jørgine** ^F kom til verda 20/10-, dpt [26/12-1855](#)^[#192], konf Sylling [2/10-1870](#)^[#10]. Yngst av syskena vart **Andreas** ^G f 1/9-, dpt [10/10-1858](#)^[#159], konf [17/6-1874](#)^[#5].

Marit, Tomas samt borna **Jørgen** ^E, **Anne Jørgine** ^F, og **Andreas** ^G finn vi busette på *Wefferstad*, løpenr. 198b1 ved [FT1865](#). Dei hadde då tenestfolka [Hans Andersen](#), 22 år frå Lier og [Eli Nilsdtr](#), 60 år, fødd i Krødsherad. **Ulrik** ^B var då [Artillerisergeant](#), *logerende* i [Munkedamsvn. 37](#). Kristiania.

[FT1875](#) syner **Tomas, Marit, Jørgen, Andreas** og **Anne Jørgine** saman med tenestfolka [Martine Eriksdtr](#) og [Anders Pedersen](#). Dei budde då på Vefferstad/*Braaten* løpenr 198b1 i Lier. **Erland** ^C, skriven [Elling Wafferstad](#), var *Kasserer, ugift og logerte* i Rosenkrantzgade 2 i Kristiania.

Vefferstad gnr 86/1 i Oddevall teljkrins var iflg [FT1891](#) bustad for **Tomas, Marit** og borna **Andreas** ^G og **Anne Jørgine** ^F. ([Husliste](#)) - Her budde og budeia [Minda Arnesen](#), gardsarbeidar [Anders Kristiansen](#) og sjukepleierske [Gurine Evensdtr](#).

Marit Erlandsdtr døydde [3/1-1892](#)^[#1] og vart gravlagd 12/1 s.å. –«Influenta» vart skrivi som dødsårsak. **Tomas Ulrikson** levde vel ein månad lengre. Han døydde «*som følge af Slagtilfælde*» på Vefferstad [14/2-1892](#)^[#2], gravlagd ved Sylling krk. 23/2 s.å.

Anne Jørgine ^F gifta seg i Frogner krk. [11/11-1892](#)^[#28] med gardbr. **Martin Olsen** Kulberg. Han var son til [Ole Sebjørnson](#) og [Siri Torgersdtr](#), f på Kulberg 23/9-, dpt Sylling [25/11-1855](#)^[#187], konf Sylling [11/6-1871](#)^[#17]. Ved [FT1900](#) budde dei på [Gifstad](#) øvre gnr. 83/2 saman med [Gaardskarl, Kokke, Budeie](#) og [Livørekone](#). **Martin** selde Gifstad til Lier kommune med [skjøte dat 18/2-, tinglyst 19/4-1910](#).

Fire sysken frå Hedalen tok vegen til Lier

Her får vi fyrst ta tak i ekteparet Ola Østenson og Kari Guttormsdtr. Dei gifta seg i Hedalen stavkyrkje 31/3-1820[#9]. Ola vart då skriven Bakke og Kari vart skriven Grøv. Forlovarane deira vart skrivne Gd(Gaardmænd) Guttorm Haraldsen Grøv og do Gulbrand Iversen Ildjarnstad. «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» nemner på sidene 145-146 ektefolka på plassen Måfå, seinare kalla Bjørjan.

Ektefolka vart m.a. foreldre til borna (alle døypte i Hedalen): **Guttorm** ^B f i Åsli 26/4-, dpt 23/6-1822[#42], konf Hedalen 12/8-1838[#11]. **Østen** ^C f Grøv 20/1-, dpt 6/2-1825[#12], konfirmert Hedalen 15/8-1841[#5]. **Live** ^D f Åsli 18/12-, dpt 31/12-1827[#7], konf Hedalen 13/8-1843[#34] (ved konf vart fødestad skrive *Maafaa*). **Ola** ^I f Måfå 5/9-, dpt 7/10-1838[#66], konfirmert Hedalen 24/6-1855[#12] (ved konf vart fødestad skrive *Kjørum*). - Ei oversiktside kring førenamna **Østen / Øystein / Esten** finn de til slutt i denne stubben.

Guttorm ^B gifta seg i Hedalen 11/10/1847[#] med **Berte Andersdtr.** Ho var fødd på Piltingsrudeige(Gamlemoen) 21/10-1823, dpt Hedalen 4/1-1824[#6], konf 12/8-1838[#30]. Foreldra hennar var Anders Mikjelson og Kari Hansdtr. Familien er nemnd i «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band C side 201. Fyrste barnet til **Berte** og **Guttorm** ^B vart fødd på Melgård 10/9-, dpt med namn **Anders** ^{BI} i Hedalen 16/10-1848[#140]. Sjå «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band D side 87. - Familien fekk utferda utflyttingsattest med reisemål Lier 12/7-1850[#17-19].

Guttorm Olson kjøpte *Skutestad søndre*, lno 407c i Lier, med skjøte dat. 10/10-, tinglyst 11/10-1853. Liers historie syner at det er tale om bruksnr. 10, Skustadenga. Her kjem desse borna til verda: **Anne** ^{B2} f 23/7-, dpt Sylling 13/8-1854[#129], konf 10/10-1869[#13]. **Karoline** ^{B3} f 4/8-, dpt Sylling 15/8-1857[158], konf 12/5-1872[#9]. **Ole** ^{B4} f 17/12-1860, dpt Sylling 24/2-1861[#19], konf 30/4-1876[16]. **Anton** ^{B5} f 17/6-, dpt Sylling 19/7-1863[#130]. Karl B6 f 20/10-, dpt Sylling 25/12-1869[#164]. - Lat meg ta med at mor til **Guttorm** ^B, Kari Guttormsdtr., døydde på Skustad 25/3-1876[#33], gravl. 2/4 s.å.

Familien budde ved FT1865 på Gamlemoen – Skutestad (søndre) lno 407c i Lier prgj. – på same adresse var dei å finnei også ved neste teljing, FT1875.


Gift *Grdbg* **Guttorm Olson** døydde på Skustad 13/2-1886[#3], gravl. Sylling 24/2 s.å. I rubrikk «*Opgiven Dødsarsag*» vart det notert *Lungebetændelse*.

Av borna er det diverre berre **Karoline** ^{B3} eg har greidd å finne meir opplysningar om. Ho gifta seg i Frogner krk., Lier 10/3-1881[#7] med **Jakob Otterson**, son til Otter Jacobsen Ellevog og Birte Larsdtr. **Jacob** var fødd på Vamstad i Lier 17/5-, dpt Sylling 22/6-1834[#92], konfirmert Sylling 4/11-1849[#7]. FT1865 syner at han då budde på Korsrud, ved FT1875 er bustaden Ellevog lno 200b i Lier.

Karoline ^{B3} og **Jakob** fekk døtrene: **Berthe** ^{B31} f 1/12-1881, dpt Sylling 15/1-1882[#9], konf. Sylling 4/10-1896[#21]. **Olga Gustava** ^{B32} f 20/3-, dpt 25/5-1890[#8]. Vi finn denne familien på Ellevog både ved teljinga i 1891 og 1900. Hjå «*Norske Gaardnavne*» er gardsnamnet skrive Ellevo.

Jakob(*gbr,skrædder*) døydde på Ellevog 14/6-1908[#4], gravl Sjøstad kyrkjegard 20/6 s.å. Dødsårsak vart skrive *Indre forblødning*. **Karoline** ^{B3} døydde av Hjernebetændelse på Ellevog 2/4-1910[#4], gravl. Sjøstad 9/4 s.å.

Albert Pederson heitte karen som gifta seg med **Berthe** ^{B31} i Sylling krk. 28/1-1905[#1]. Han var fødd på Einerød i Sør-Odal 19/12-1878, dpt i Strøm krk., 19/1-1879[#9], konf Strøm 1/10-1893[#1]. Foreldra var husmannsparet Peder Christian Amundsen og Olava Andersdtr., dei budde ved FT1900 på husmannsplassen Einerudstangen under gnr 42/3 i Sør-Odal. Ved same teljing finn vi **Albert** som jernbanearbeidar med bustad i Langgade, Holmestrand. - Ved FT1910 bur **Berthe** ^{B31} og Albert på Ellevog gnr 87/4 saman med sønene **Per** ^{B311} f 8/10-, dpt Sjøstad krk. 25/11-1906[#31] og **Kristian Olav** ^{B312} f Ellevog 25/9-, dpt Sylling 14/11-1909[#29]. «*Norske Gardsbruk*» Buskerud fylke band 1 (1948) side 738 nemner i tillegg dottera **Olaug** f 1913, **Jakob** f 1918 og **Bjarne** f 1921.



Ellevog
Gnr. 78, bnr. 4 og 5. P. adr. Sjøstad.
Sk.m.k. 2,20. D. jord 40 dekar (leirmold), annet jbr. areal 30 dekar, prod. skog 50 dekar, annen utm. 10 dekar. - Våningshus bygd 1880, sidebyggn. gml., låve m. stall og fjøs bygd 1895. - 1 hest, 4 kyr, 2 ungdyr, 2 griser, 30 høns. - Garden har vært i ætta fra omkr. 1860. Eierien tok over 1908. Han har nydyrket om lag 5 dekar.
Eier: Albert Pedersen - sønn av Peder Amundsen og Olava f. Andersen - f. 1878, g. 1905 m. Berthe Jakobsen. Barn: Peder f. 1906, Kristian 1909, Olaug 1913, Jakob 1918, Bjarne 1921. - Eierien er fra Sør-Odal.

Omtale henta frå ovannemnde «*Norske Gardsbruk, Buskerud fylke*»

DISgravminner syner at **Kristian Olav** ^{B312} døydde [15/3-1981](#) og broren **Bjarne Anstein** døydde [15/4-2003](#). Båe kviler på Sjøstad kyrkjegard. Ved Tranby kyrkje kviler **Jacob Ellevog** (14/6-1918 – [21/8-1973](#)), under same gravstein ligg **Inger Ellevog** (7/2-1920 – 6/8-2008).

Østen ^C hadde ikkje teke nokon lang friarveg. Han sto brudgom i stavkyrkja i Hedalen [16/10-1848](#)^[#25]. Han svara ganske sikkert eit tydeleg JA på spørsmålet om han ville ha **Siri Tølleivsdotter** til ektefelle. – Ho **Siri** var dotter til **Tølleiv Olson** og **Mali Kristensdtr.** Ho var fødd på **Flaten**eige i Hedalen 28/4-, dpt i Hedalen [24/6-1821](#)^[#47] og konfirmert same stad [14/8-1836](#)^[#14]. Bygdeboka nemner folka på plassen **Flatshaugen** ([band D side67](#)).

Ektefolka fekk [22/2-1849](#)^[#1&2] utferda utflyttingsattest med reisemål Lier. Men **Østen** og **Siri** si innflytting til Lier er innført i Ministerialbok nr 11 med [årstal 1848](#)^[#2-3]. Skal vi bruke skeissespråk og si at dei er eit år «*framfor skjema*»? Dei er innflytta til Skustad, hjå **Guttorm** ^B bror til **Østen** – og attesta dei har synt fram var, rett nok, datert av [sokneprest Østvold](#) i Sør-Aurdal 22. februar 1840.

Dei fire fyrste borna til **Siri** og **Østen** ^C kom til verda på Skustad. **Ole** ^{C1} var f 17/12-1848, dpt Sylling [11/3-1849](#)^[#21], konf Sylling [1/10-1865](#)^[#18]. **Tollef** ^{C2} f 26/11-, dpt [22/12-1850](#)^[#175], konf [30/9-1866](#)^[#7]. **Mathea** ^{C3} f 20/2-, dpt [13/3-1853](#)^[#28], konf [18/10-1868](#)^[#15]. Nyårsbarnet **Karen** ^{C4} f 1/1-, dpt [28/1-1855](#)^[#12], konf [10/10-1869](#)^[#12]. **Anne** ^{C5} f Rustand 27/1-, dpt [13/4-1857](#)^[#76], konf [12/5-1872](#)^[#8]. **Rasmus** ^{C6} f Skustad 28/3- dpt [2/6-1859](#)^[#88], konf [14/6-1874](#)^[#4].

Familien vart ved [FT1865](#) registrert busett på Foshaugen i Lier, dei budde på same adresse også ved [FT1875](#). Ved denne teljinge finn vi truleg dei to eldste sønene som tenestegutar i Drammen, **Ole** ^{C1} var tenestegut hjå «*Brændevinsdestillatør og Handelsmand*» Nils Brodersen; **Tollef** ^{C2} var tenestegut hjå *trelasthandlar* Samuel Winther. Systrene **Mathea** ^{C3} og **Karen** ^{C4} var båd Meiersker og budde på [Egge vestre](#), Stokkerud i Lier.



Brodersen hadde knappast destillert såpass mange tunner

Fyrst ute med å gifta seg var **Mathea** ^{C3} [24/3-1876](#)^[#6] var ho brur i Frogner krk. Brudgom var **Bent Nilson** frå *øvre Egge*, son til **Nils Svendsen**(Mørk) og **Ingeborg Bentsdtr**(Brurberg). Han kom til verda på Egge 11/5-, dpt i Frogner krk. [7/6-1846](#)^[#85], konf Frogner [7/4-1861](#)^[#20]. *Liers historie* nemner familien på *øvre Egge, gardsnr. 68/11*. Sjå og [Realregisterside 190 frå Panteregister nr. V 6](#).

Bent og **Mathea** ^{C3} fekk desse borna: **Ingeborg** ^{C31} f 12/6-, dpt Frogner [30/7-1876](#)^[#138], konf Frogner [4/10-1891](#)^[#41]. **Sigrid** ^{C32} f 24/10-, dpt [26/12-1878](#)^[#194], [konf 1/10-1893](#)^[#27]. **Nils** ^{C33} f 7/10-, dpt [26/12-1881](#)^[#231], konf [4/10-1896](#)^[#9]. **Østen** ^{C34} f 1/1-, dpt Frogner [22/2-1885](#)^[#4]. konf Sjøstad [1/10-1899](#)^[#13].

Familien vart både ved [FT1891](#)^[#8] ([Husliste](#), Personsedlar [#1-#6](#)) og [FT1900](#) registrert busett på gnr 68/10&5, Egge øvre. **Bent** døydde av *koldbrand* [3/1-1901](#)^[#1] på *Sygehuset i Drammen*. Han vart gravl. ved Frogner krk. 10/1 s.å. Ved [FT1910](#) vart **Mathea** ^{C3} registrert på Egge øvre gnr 68/11&5. ho hadde då **Harald Haraldsen** f 24/11-1897 i Ulvik som pleieson. Då han vart konfirmert i Sjøstad krk [13/10-1912](#)^[#6] vart det skrive at han var fødd i Flekkefjord.

Ingeborg ^{C31} var ved [FT1900](#) logerende på Stokke gnr 102/4 i Lier. Ho var då «*lærerinde ved folkeskolen*». Ho hadde same profesjon ved [FT1910](#), då budde ho på Peterborg, Brastad gnr 98/7 i Lier. Ho er nemnd hjå «*MyHeritage*». **Sigrid** ^{C32} fann ein i [FT1900](#) busett i Storgade, Drammen kjøpstad, der ho var *tjenestepige* hjå familien Bruusgaard. **Nils** ^{C33} finn eg ved to høve som emigrant frå Kristiania(Oslo), fyrste utreise [29/8-1902](#), reisemål New York, neste utfart var [25/4-1908](#) med reisemål Minnesota. Det er ein kar med dette namnet registrert i teljing [1920](#) og [1930](#) for [Crystal Bay](#), Lake, Minnesota. Ved teljinga 1930 var han gift med **Synneva** f ikr 1882 i Noreg.

Mathea ^{C3} **Østensdtr** døydde på øvre Egge [17/9-1927](#)^[#23]. Dødsårsak vart notert som [Anæmi](#). Ho vart gravlagd ved Frogner krk. 24/9 s.å.

Martin Kristenson var fødd på [Haugerud i Lier](#) (gnr 47/1) 18/6-, døypt i Frogner krk [11/7-1852](#)^[#119], konf Frogner [19/6-1868](#)^[#36]. Han budde ved [FT1865](#) saman med foreldra, [Kristen Andersen](#) og [Kirstine Reiersdtr](#) samt broren [Gabriel](#) på Haugerud lno 94a;100b i Lier prgj. Det er truleg **Martin** vi finn som tenar hjå Andreas Olsen på [Rød](#), Sørsdal teljekrins ved [FT1875](#).

Ekteskap mellom **Martin** og **Karen** [C4](#) **Østendsdtr** fann stad i Frogner krk. [3/11-1876](#)^[#35]. Forlovarane var svoger til brura, [Bernt Nilsen](#) Egge og bror til brudgommen, [Gabriel Kristensen](#) Haugerud. [Liers historie](#) syner at **Martin** overtok Egge mellom, gnr 67/1 i 1886. [Panteregister V6, s 150](#) fortel at det i tida 1905-1904 vart utskilt fleire parsellar frå garden. **Karen** [C4](#) overførte garden med skjøte av 14/10-1915, tgl 14/1-1916 til sonen [Sigurd Egge](#).

Martin og **Karen** [C4](#) vart foreldre til: **Kristen** [C41](#) f 13/8-, dpt Frogner krk [23/9-1877](#)^[#138], konf [2/10-1892](#)^[#11]. **Kirstine Lovise** [C42](#) f 11/2-, dpt [30/3-1879](#)^[#58], konf [1/12-1893](#)^[#22]. **Sigurd** [C43](#) f 2/2-, dpt [11/3-1883](#)^[#17], konf [3/10-1897](#)^[#23]. **Ragnhild** [C44](#) f 24/9-, dpt [1/11-1885](#)^[#67], konf [7/10-1900](#)^[#3]. **Østen** [C45](#) f 23/4-, dpt [15/7-1888](#)^[#50], konf [11/10-1903](#)^[#7]. **Karl Marinus** [C46](#) f 28/7-, dpt [28/9-1890](#)^[#46], konf Sjøstad krk [24/9-1905](#)^[#6]. **Astri** [C47](#) f 24/11-1893, dpt [11/2-1894](#)^[#4], konf Sjøstad krk [18/10-1908](#)^[#16]. **Gunhild** [C48](#) f 10/9-, dpt [28/11-1897](#)^[#54], konf Sjøstad [13/10-1912](#)^[#1].

Kristen [C41](#) budde ved [FT1891](#) på Egge mellom gnr 67/1 i Lier. Adressa var ved [FT1900](#) Bjergstien 4-4b i Kristiania. Han var då «*Gaardsgut hos handelsborger Nils Olsen Moostrup*». Det kan sjå ut som han i denne tida hadde vore i nærkontakt med **Hilde Marie Henriksdtr** frå Egge, dotter til *arbeidsmand* [Henrik Mortensen](#) og [Karen Elise Kristiansdtr](#), f Egge 6/8- dpt Frogner krk [20/10-1878](#)^[#161], konf [2/10-1892](#)^[#13]. **Hilde Marie** fekk dottera **Kristense Hildeborg** [C411](#) 3/2-, dpt Frogner krk [1/4-1900](#)^[#7].

[12/5-1901](#)^[#78] gifta *sergeant* **Kristen** [C41](#) **Martinsen** seg i Grønland krk., Kristiania med *syerske* **Marie Otilie Kathinke Johnsdtr**. Ho var uekte dotter til [John Martin Rasmussen](#) og [Martine Serine Olsdtr](#); dei gifta seg i Hadsel [28/12-1875](#)^[#42] - **Marie** vart fødd på [Bitterstad i Hadsel](#) 7/6-, dpt Hadsel krk. [30/8-1874](#)^[#95], konf Hadsel [8/6-1890](#)^[#31], då budde ho på [Hano](#). [FT1891](#) fortel at ho då budde saman med foreldra, brørne [Jens](#) og [Peder Hilmer](#) samt systrene [Charlotte](#), [Alvhilde](#) og [Anna](#) i Hanøvik, lno 35a i Hadsel. [DIS Slektforum](#) har hatt spørsmål kring **Marie Otilie**.

[Møllergate 12](#) i Kristiania var adresse for familien ved [FT1910](#). Borna: **Kari Margrethe** [C412](#) f 22/1-1901, **Sigurd Eigil** [C413](#) f 9/9-1904 (MH) og **Aase** [C414](#) f 13/6-1909. DISgravminner syner at **Sigurd Eigil** [C4152](#) døydde 1/4-1955, gravl Vestre Gravlund, Oslo. På same gravnummer finn vi **Anna Egge** (1/3-1910 - [25/4-1876](#)) og **Thomas Egge** (25/2-1932 - [5/3-1984](#)).

Kirstine Lovise [C42](#) fann seg ein jernbanearbeidar. Ho gifta seg på prestekontoret, Frogner, Lier, [26/4-1903](#)^[#7] med **Ole Syversen** f på [Vikerbråten](#) i Brandval 18/1-, dpt [Brandval krk. 29/2-1880](#)^[#11], konfirmert i Brandval [7/10-1894](#)^[#17]. Han var son til [Syver Kristianson](#) og [Kaisa Nilsdtr](#) og budde ved [FT1891](#) på Vikerbråten gnr 44/2 i Brandval. Ved [FT1900](#) var han kanalarbeidar ved [Schurkert & Co's elektriske kraftanlæg](#). - **Ole** og **Kirstine** vart foreldre til **Sigurd** [C421](#) f Egge 11/2-, dpt Frogner [24/3-1907](#)^[#5] og **Karen Margrethe** [C422](#) f Egge 16/12-1908, dpt Sjøstad krk. [21/2-1909](#)^[#5]. Familien budde på Framnes gnr 67/11 i Lier ved [FT1910](#). **Ole** var då *banevokter ved jernbane*.

Sigurd [C43](#) var på friartur i nærområdet. Han gifta seg med **Aagot Marie Øksne**, dotter til gbr [Torgeir Sørensen](#) og [Helene Hansdtr](#). Då ho vart døypt, i [Søre Osen krk.](#) i Trysil prgj. [15/7-1894](#)^[#5] vart det notert at ho var fødd på Øksne i Lier prgj. 5/5-1894. Ho vart konfirmert i Sjøstad krk [18/10-1908](#)^[#19]. *Liers historie* nemner henne på [Øksne gnr 71/2 i Lier](#).

Ågot og **Sigurd** [C43](#) vart opphav til borna **Martin** [C431](#) f 21/6-1918 og **Karen Helene** [C432](#) f Egge 1/11-, dpt Frogner krk. [14/12-1925](#)^[#58]. Omtala av **Egge, Mellom** er henta frå «[Norske Gardsbruk](#)» 1948.



Egge, Mellom

Gnr. 67, bnr. 1. P.adr. Egge i Lier.

Sk.tnk. 4,64. D. jord 55 dekar (sand- og leirmold) annet jbr. areal 8 dekar, prod. skog 275 dekar, annet utm. 25 dekar. - Våningshus bygd 1872, sidebyggn. gml. låve m. stall og fjøs bygd 1926. Brt. kr. 44 000. - 2 hester, 8 kyr, 3 ungdvyr, 2 griser, 20 høns. - Bestefa til eieren. Christen Andersen Haugerud, kjøpte garden 1857 av Simen Eriksen Egge. Eieren tok over 1915. - Hagebruk, særlig dyrking av epler og plommer.

Eier: Sigurd Egge - sønn av Martin K. Haugerud og Karen f. Skustad - f. 1883, g. 1916 m. Marie Øksne
Barn: Martin f. 1918, Karen Helene 1924.

DISgravminner syner at **Martin** ^{C431} døydde [19/8-1966](#). **Karen Helene** ^{C432} (Grønbekk) døydde [25/4-2011](#), gravl 3/5 s.å. Under same gravstein på Frogner kyrkjegard kviler og **Sverre Grønbekk** (26/9-1925 – [7/5-2005](#)). Han er nemnt i ein [GENIprofil](#) (son til [Olav Grønbekk/Marit Harviken](#)). 1991-utgåva av «Norske Gardsbruk» fortel at dotter til Marit og Olav overtok Egge, Mellom i 1991.

Ragnhild ^{C44} finn vi i [FT1910](#) busett i [Møllergate 17](#) i Kristiania, same adresse som storebroren Kristen. Ho er skriven «[losjerende, hørende til familien](#)» og ho var sysselsett med «[Smaahandel](#)». Ho gifta seg i Frogner krk., Lier [21/5-1920](#)^[#11] med [dagarbeidar Vilhelm Eugen Andresen](#) frå Vestre Aker. Han var son til møllar [Edvard Andresen](#)(frå Nes på Romerike) og kona [Oline Jonsen](#)(frå Aker). **Vilhelm** var fødd på Rød i Vestre Aker 25/6-, dpt i [Vestre Aker krk. 3/8-1890](#)^[#74], konf [Ullern krk. 2/10-1904](#)^[#5].

[FT1900](#) syner **Vilhelm** saman med foreldra ([Møllarbeidar ved kornmølle](#) og [arbeider-kone](#)) og syskena Valborg og Aksel, busette på Rød(mellem) gnr 11/3 i [Aker kommune](#). Framme ved [FT1910](#) finn vi **Vilhelm**, som då var fjeldarbeider, busett saman med foreldra og systera Valborg, adressa var; [Roligheten](#) på Lysaker i Aker kommune.

Frå DISgravminner finn ein at **Vilhelm Andresen** døydde i [1959](#) og **Ragnhild** ^{C44} **Andresen** i [1966](#). Dei kviler bår ved Frogner krk. i Lier.

Vi finn og, hjå DISgravminner, eit [bilete av ein gravstein](#) ved Frogner krk. Opplysningen til biletet seier at **Astrid** ^{C47} **Egge** er gravlagd her 10/2-1984. Men namna på gravsteinen er **Martin Chr. Egge** og **Karen Egge f Skustad**. – og det kan vel mest ikkje vera andre enn **Karen** ^{C4} Østensdr og ektemannen **Martin Kristenson**.

Kyrkjeboka syner at **Martin** døydde av kreft [4/5-1907](#)^[#17], gravl 11/5 s.å. – Ho **Karen** ^{C4} som iflg kyrkjeboka var «*enke efter gbr Martin Haugerud, levet av egne midler*» døydde av «*alderdom*» på Egge [15/5-1923](#)^[10], gravl 24/5 s.å.

Live ^D **Olsdr** gifta seg i Hedalen stavkrk. [9/2-1857](#)^[#3] med **Kristoffer Nilsen** Teigen. Forlovarane var Guttorm Haraldson Grøv og Ola Olson Kulterud. **Kristoffer** var fødd på Kongsberg 24/2- og døypt i Kongsberg kyrkje [29/8-1825](#)^[#39]. Han var son til [Nils Pederson Bech](#) og [Elen Marie Kristoffersdr Bjørndalen](#).

Dagen før **Kristoffer** og **Live** ^D starta ekteskap hadde dei ein annan visitt til kyrkjens. Dei døypte då sonen **Anders** ^{D1}. Han var fødd i [Åsli](#) 3/1- og døypt i Hedalen [8/2-1857](#)^[#12]. Det vart notert at han var fødd [Uegte](#). - Så har familien truleg sett kurs mot Lier. [FT1865](#) syner at dei då var forpaktarar på Rustand([Rudstaden](#)), lno 376 i Lier(Syilling). Dei er og nemnde som forpaktarar i [Liers historie](#). Dei hadde då auka barneflokk med to nye verdsborgarar, **Karen** ^{D2}, f Rustand 15/4-, dpt Syilling [15/7-1860](#)^[#133] og **Ole** ^{D3} f Rustand 10/4-, dpt Syilling [26/6-1864](#)^[#93]. Dei same folka finn vi registrert på Rustaden også i [FT1875](#). **Kristoffer** er skriven [Johnsen](#) ved bår teljingane. - **Anders** ^{D1} vart konfirmert i Syilling krk. [8/6-1873](#)^[#6].

Ola ^I frå Måfå la òg vegen mot Lier. Vi finn han i [FT1965](#) busett på [Solberg](#) vestre lno 374 i Lier prgj. (Syilling sokn). Han var då inderst, dagarbeidar hjå Truls Stenersen. – Dagarbeidaren har nok nytta fritida til å ta friarturar rundt i bygda – Han vart skriven med opphaldstad Solbergeie då han gifta seg i Tranby krk. [13/1-1867](#)^[#2] med **Marthe Helene Johansdr**, dotter til husmannsparet [Johan Svendsen](#) og [Maria Hansdr](#). Ho var f på [Sørsdaleige](#) i Lier 23/7-, dpt i Syilling krk. [19/9-1847](#)^[#122], konfirmert i Syilling [5/10-1862](#)^[#4]. [FT1865](#) plasserer henne som tenestjente på Syilling østre lno 392 i Lier. - **Marthe Helene** og **Ola** ^I vart foreldre tre dagar etter at dei gifta seg. Jenta, f på Engereige 16/1-, fekk i Syilling krk. [17/3-1867](#)^[#27] namnet **Karen Maria** ^{I1}. Så kom dottera **Jørgine** ^{I2} f Skustad 6/2-, dpt Syilling [16/4-1871](#)^[51].

Ministerialboka si liste over utflytta frå Lier syner at **Marthe Helene Johansdatter** Engereie, **Ole Olsens kone med følgende børn Jørgine 3 år og Karen Marie 7 år** – fekk utflyttingsattester [19/9-1873](#)^[#86-88] med reisemål Amerika. Dei reiste med skipet *St. Olaf* frå Kristiania 27/9-1873^[1,2,3] og reisemål var Apena([Alpena?](#)), Minnesota.

Det er truleg husfar **Ola** ^I som reiste med skiper Kong Sverre frå Kristiania [19/9-1872](#). Han vart då skriven Ole Ols. Solberg, 33 år gamal med bustad Lier. Reisemålet hans var [Port Huron](#).

På neste side kjem, som lova, ei oversiktsplansje(laga2009) om førenamnet Østen/Esten/Øystein
Tabellen nedst i arket er av nyare dato



Eysteinskirkja på Hjerkindalen er bygd i 1969, i en særpreget og spesiell betongkonstruksjon. Kirken er bygd ved gamle kongevei og pilegrimsleden over Dovrefjell - hvor det tidligere også har ligget en kirke. Kirken står som et samlingspunkt og møtested for bygdefolk fra tre fylker og fire kommuner, som sogner til Dovrefjell. Omvisning i sommermånedene.

Og det var Bisp **Oystein**, han sluttet den Pakt mod Fædrelandets Ære for Presteskabets Magt.

Frå:
Per Sivle
ERLING SKARKE
OG SVERRE KONUNG.



Oystein, Oistein, Eysteim og Eisteim er guttenavn utledet av det norrøne navnet Eysteinn, der «ey» kommer av «øy» som betyr «lykke», og «stein» kommer av «stein». Betydningen av navnet er altså «lykkestein». Østen var den gammel-danske og gammelsvenske formen av navnet.

Oysteinn er blant de ti vanligste mannsnavnene funnet i nordiske runeinskrripsjoner fra vikingtiden, og navnet var derfor sannsynligvis svært vanlig i Norden i vikingtiden. De vanligste skrivemåtene for navnet var austain, aystin og aystain.[1]Oystein er et vanlig navn i Norge, de andre variantene er mindre brukt. Østen er noe brukt i Sverige og Eysteinn på Island, men de er ikke blant de vanligste navnene i disse landene.

Estein	
Oystein	
Uttale:	[[[uttale]]]
Betydning:	«lykkestein»
Opprinnelse:	{{{opphav}}}
Opprinnelse:	Det norrøne navnet <i>Eysteinn</i>
Kortform av:	{{{kortform av}}}
Kjæleavn for:	{{{kjæleavn for}}}
Variant av:	
Mye brukt i:	
Navnedag:	<u>26. januar</u> (Norge)



Oystein Sundt

Oystein, Østen

Estein

Fylke	Antall	Fylke	Antall
Østfold	9	Østfold	2
Akershus	8	Akershus	0
Oslo	8	Oslo	1
Hedmark	7	Hedmark	206
Oppland	305	Oppland	2
Buskerud	53	Buskerud	1
Vestfold	7	Telemark	2
Telemark	197	Aust-Agder	0
Aust-Agder	8	Vest-Agder	1
Vest-Agder	13	Rogaland	0
Rogaland	159	Hordaland	1
Hordaland	98	Sogn og Fjordane	0
Sogn og Fjordane	172	Møre og Romsdal	39
Møre og Romsdal	22	Sør-Trøndelag	311
Sør-Trøndelag	2	Nord-Trøndelag	51
Nord-Trøndelag	3	Nordland	3
Nordland	28	Troms	22
Troms	4	Finnmark	6
Finnmark	3	Finnmark	6
Totalt	1106	Totalt	649

0432 Rendalen	8
0436 Tolgen	81
0437 Tønsset	45
0438 Alvdal	46
0440 Kvikne	26
1601 Throndhjem	12
1634 Opdal	14
1635 Rennebu	10
1648 Støren	131
1653 Melhus	37
1660 Strinden	16
1664 Selbo	45
0518 Nordre Fron	59
0520 Ringebo	53
0515 Vaage	31
0521 Øyer	24
0536 Land	21
0545 Vang	21
0540 Søndre Aurdal	18
0522 Gausdal	14
0543 Vestre Slidre	12
0544 Østre Slidre	10

År/Område	SA	Et	NA	VS	ØS	Vang	Total
1910	1	7	2	9	7	2	28
1900	1	5	1	9	10	5	31
1865	17		3	12	10	19	61
1801	17			22		22	61

Vegen gjekk om Toten til Lier

Pige *Marit Andersdtr Rullang* får i [Ulnes kyrkje](#), Nordre Aurdal prgj. [3/3-1844](#)^[#3] døypt jentebarnet **Marit** ^A. Det er notert at barnet var fødd 22/2 s.å og at ho var «*uægte*». Faren vart skriven *ugk Thorsten Knudsen Rullang*. Faddrane kom frå *Rullang*([Røllång](#)), *Gudem*(Gøe) og *Belgum*(Belgji). Ho **Marit** fekk nok ei uekte dotter – og så tre til - i ekteskap.

Men det vert ho **Marit** ^A **Torsteinsdtr** vi skal bli med i denne stubben. – Ho vart konfirmert i Ulnes [10/6-1859](#)^[#2]. Då vart ho skriven *Marit Belgum*. Så har ho teke vegen over Tonsåsen. Ho var ved [FT1865](#) tenestjente på [Sivesind](#) nordre, lno 288 i Vestre Toten prgj. hjå gardbrukar/sjølveigar Hans Jakobson og Andrine Larsdtr. Eg kan vel spandere professor Rygh si [tolking av gardsnamnet](#).

Neste gong eg treffer på ho **Marit** ^A, då er ho brur i [Frogner krk.](#) i Lier. Ministerialboka fortel at brurevigsla var [16/4-1873](#)^[#17] og [Bauers kalender](#) kallar denne dagen «*Flyttedag*». Sjølv «*held eg ein knapp på*» at flyttedagane/*fare*dagane er 14. oktober og 14 april. (så fekk då Riksmålsforbundet ei lenke og) Ektemannen til **Marit** ^A var ungar og gardbrukar **Martin Olsen**, 32 år gamal. Forlovarar var *Hans Andreassen Bakkemehren* og *Christian Nilsen Mehren*, Sjølv var **Martin** son til gmd [Ole Petterson](#) og [Berte Kirstine Kristensdtr](#) (Kiennerud). Han var fødd på [Vestre Mehren](#) 3/2-, dpt [21/3-1841](#)^[#25] i Frogner krk. og konfirmert i Sylling krk. [13/6-1856](#)^[#32]. *Liers historie* nemner familien på [gardsnr. 74/18, Vestre Meren, Bygningen](#), Pantebokside for egedomen finn de [her](#). «Norske Gardsbruk» (Buskerud fylke -1948) har omtale av garden [øvt på side 799](#).

Martin og **Marit** ^A budde ved [FT1875](#) på Mæren vestre løpenr 163 i Lier prgj. Dei hadde då sønene **Ole** ^{A1} f Meren 9/8-, dpt Frogner krk. [7/9-1863](#)^[#123] og **Martinus** ^{A2} f Meren 7/5-, dpt Frogner [6/6-1875](#)^[#85]. *Liers historie* seier at **Martin** reiste til Amerika, eg har ikkje funne meir om familien.



Sidan vi no har vore innom ein av Merengardane i Lier kan det vera på sin plass å ta med eit portrett av [forlagsdirektør Hilmar Melet](#), portrettert og fantasert av Kjell Aukrust.

Om eg hugsar rett vart forlagsdirektøren skapt etter at ein italiensk konduktør på «*treno rapido*» i Italia hadde «*skrike over seg*» då han såg merkelappen på dressen til Aukrust – der stod: [Herman Mehren](#).

Hjå Digitalmuseum finn vi [bilete av utstillingsvindaug](#) til [Mehren](#).

Sjølv om jenta i neste stubb er yngst, kjem ho her framfor dei eldre

Anne Olsdtr vart kone på ein Merengard

Torsdag [25/2-1909](#)^[#8] kom **Anne Olsdtr Bergsbakken** og **Ole Jensen Mehren** til preste-kontoret ved Frogner krk. i Lier med eitt einaste erend. Dei skulle gifte seg. Forlovarane til ektefolka var Martin Hagelund og K Hagelund.

Anne ^A **Olsdtr** kom til verda i sørre [Bergsbakko](#) i Steinsetbygden (gnr 30/6 i Etnedal) 26/1-, dpt i [Skrautvål kyrkje](#) [21/3-1880](#)^[#30] med faddrar frå Steinset og Hagaset. Ho vart ved [FT1891](#) registrert på gardsnr 30/6 i Nord-Aurdal saman med mor si, [Ragnhild Olsdtr](#) og ein yngre og ein eldre bror som baa heitte **Ola**. Dei var sjølvsagt oppattkalla etter farfar og morfar. Far til **Anne** ^A heitte Ola Olson. «*Gard og bygd i Etnedal*» band A har med denne familien i Sørre Bergsbakko på [side 261](#).

Ole Jensen var son til [Sørine Torjusdtr](#) og [Jens Kristofferson Meren](#), f 19/3-, dpt [12/5-1872](#)^[#60] i Frogner krk., konf Frogner [2/10-1887](#)^[#13]. [FT1891](#) syner at han budde saman med foreldre og fire sysken på Mæren. **Ole Jensen** fekk 21/9-, tinglyst 5/12-1898 [skjøte på Øksnevold frå faren](#). Han var ved [FT1900](#) ugift, *gaardbruger og selveier* av [Øksnevold](#) gnr 73/1 i Lier kommune.

Framme ved [FT1910](#) er **Ole** og **Anne** ^A gardbrukarpar med to tenestefolk på Øksnevold. Dei vart foreldre til **Sigrid** ^{A1} f 14/2- dpt Sjøstad krk. [8/4-1912](#)^[#19]. *Liers historie* fortel at dei og hadde dottera **Ragnhild** ^{A3} (9/11-1915 – [6/9-2001](#)) - samt sønene **Jens** ^{A2} (30/12-1916 – [31/7-1998](#)) og **Olaf** ^{A4} (6/2-1922 – [1/2/1994](#)). «*Norske gardsbruk*» Buskerud fylke 2 (utg. 1991) fortel på [side 336](#) at Øksnevold framleis var ått av etterslekt av **Ole** og **Anne** ^A.

Krylling møter Hedøl – og elskhug flammar i Sylling

Kva tid logen brann sterkast har eg inga kjeldemateriale som seier noko om, men då ho **Gunhild Arnesdtr** [30/11-1875](#)^[#47] gifta seg i Sylling krk. med **Karl Anderson** på Fuglerud lyt vi vel rekne med at «flamma» både hadde høg temperatur og intens lysstyrke.

Karl Anderson var f på [Hamremo](#) i Krødsherad 25/1-, dpt i [Olberg krk.](#) [10/3-1844](#)^[#8], konf Sylling krk. [25/9-1859](#)^[#3]. Foreldra hans var inderstparet [Anders Anderson](#) og [Randi Torsdtr.](#) *Liers historie (om garden Fuglerud)* fortel at [Anders Anderson](#) ([26/1-1820](#)^[#15] - [21/2-1897](#)^[#2]) kjøpte Nerenga gnr 185/6 og at han ei tid også åtte gnr 185/4. - Ved [FT1865](#) budde familien på [Fuglerud](#) lno 4418b2. **Karl** hadde då ei syster [Anne Chrestine](#), f [Fuglerud](#) 24/2-1850.

Gunhild Arnesdtr var dotter til [Arne Gulbrandson Øverbyeige](#) og [Marit Olsdtr Jørenby-haugen](#). Desse ektefolka vert nemnde på [side 220](#) i «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band D. **Gunhild** var f 20/1- på Øverbyeige og døypt i Hedalen [3/2-1839](#)^[#13], konfirmert i Hedalen [25/6-1854](#)^[#16]. Vi finn henne på [Jøråndby nedre](#) lno 588 i Sør-Aurdal ved [FT1865](#) - saman ned foreldra, to brør, to systre samt [Lægd](#)slem Berthe Gudbrandsdtr.

Det ser ut til at **Gunhild** og **Karl** vart foreldre til **Marie** ^A f [Skustad](#) 25/2-, dpt Sylling krk [19/3-1876](#)^[#42], konfirmert Sylling [4/10-1891](#)^[#45] og **Anders** ^B f [Fuglerud](#) 9/3-, dpt Sylling [11/4-1879](#)^[#66], konf Sylling [1/10-1893](#)^[#21]. Mellom faddrane til **Marie** ^A var [Marit Andersdtr](#), nemnd i stubben «*To brør frå Stugarden i Hedalen kom til Lier*» og farsyster til dåpsbarnet, [Kristine Andersdtr](#) [Fuglerud](#). Bustad for familien ved [FT1891](#) var [Fuglerudengene](#) gnr 185/4 & 185/6 i Lier. Ved denne teljinga vart **Marie** ^A skriven [Anne Marie \(teljeskjema\)](#). [Anders Anderson](#), far til **Karl** vart skriven *Føderaadsmann*.

Marie ^A var berre 17 år gamal då ho døydd av *Hjernebetændelse*, på [Fuglerud](#) [1/4-1903](#)^[#2]. Ho vart gravlagd ved Sylling krk. 9/4 s.å.

[FT1900](#) plasserer **Karl**, **Gunhild** og **Anders** ^B på [Fuglerud](#). **Anders** hadde funne seg ei Hallingjente, og dei gifta seg i Sylling krk. [29/11-1901](#)^[#3]. Brura heitte **Kristine Persdtr** og var f på [Garnås](#) i Nes kommune i Hallingdal 4/11-, dpt i [Nesbyen kyrkje](#) [26/12-1866](#)^[#150] og konfirmert i Nes [1/5-1881](#)^[#14]. Foreldra hennar var gardbrukar [Per\(Peder\) Levorson](#) og [Birgit Eriksdtr.](#) (Sjå småstubbane om [Levor, tungveker i Hallingdal og Numedal](#) og [Parallellnamna Berit/Bergit og Marit/Margit](#).)

Gunhild Arnesdtr døydd på [Fuglerud](#) [20/7-1906](#)^[#9], gravl Sylling 26/7 s.å. Ektemannen **Karl Anderson** døydd på [Fuglerud](#) [20/10-1911](#)^[#9], jordfesta Sylling 1/12 s.å.

Kristine og **Anders** ^B vart foreldre til **Birgit Marie** ^{BI} f [Fuglerud](#) 29/8-, dpt Sylling krk. [12/10-1902](#)^[#13], død (Tuberkulose) [28/11-1914](#)^[#15], gravl Sylling 12/12 s.å. **Karl** ^{B2} f [Fuglerud](#) 11/12-1903, dpt Sylling [4/4-1911](#)^[#5], konf Sylling [6/10-1918](#)^[#15]. **Peder** ^{B3} f [Fuglerud](#) 14/7-, dpt Sylling [3/9-1905](#)^[#20], konf Sylling [5/10-1919](#)^[#11]. **Karen** ^{B4} f [Fuglerud](#) 16/3-, dpt Sylling [16/6-1907](#)^[#14], konf Sylling [25/9-1921](#)^[#14]. **Anne Kristine** ^{B5} f [Fuglerud](#) 28/2-, dpt Sylling [13/6-1909](#)^[#15], død på [Fuglerud](#) (dødsårsak Tuberkulose) [1/7-1921](#)^[#6], gravl Sylling 11/7 s.å. - Familien vart ved [FT1910](#) registrert på [Fuglerud](#), Engen(gaard) gnr 185/4 i Lier.

Karl ^{B2} [Fuglerud](#) gifta seg i [Bragerne krk.](#) [16/12-1933](#)^[#0] med **Helga Hagen**. Ho var dotter til gbr [Tollef Knutson Hagen](#) og [Gunhild Halvorsdtr](#), f 1/4-, dpt i Uvdal krk. [29/5-1910](#)^[#6]. Familien budde ved [FT1910](#) i Hagen, gnr 15/2 i Uvdal kommune. – DISgravminner syner at **Karl** ^{B2} døydd [10/4-1976](#) og **Helga** døydd [27/12-2003](#). «*Norske Gardsbruk*» Buskerud utg. 1948 fortel at **Helga** og **Karl** då budde på Røine vestre, gnr 184/2 i Lier. Dei hadde då borna **Arne** ^{B21} f 1934 og **Gunhild** ^{B22} f 1936.

Peder(Per) ^{B3} gifta seg [14/7-1934](#)^[#10] med *Avdelingspike Vardåsen* **Andrine** Sørli, dotter til gbr [Ole Knutson](#) og [Ragna Gulliksen](#) i Sørli, Sylling. **Andrine** var f 4/10-, dpt Sylling [4/12-1910](#)^[#17], konf Sylling [20/9-1925](#)^[#12]. **Andrine** døydd [1947](#), **Per** ^{B3} døydd [23/8-1987](#),

Røine, Vestre

Gnr. 184, bnr. 2. Øverskogen.

D. jord 50 da, prod. skog 150 da. - Våningshus svært gml., låve 1943, fjøs 1976, redskapshus 1938. - 12 melkekyr, 20 ungdyr. - 2 traktorer, andel i -Øverskogen vanningsanlegg.

Eier: Arne Trygve Fuglerud f. 1934 - sønn av Karl Fuglerud f. 1902 (d. 1976) og Helga Haugen f. 1910 - g. 1960 m. Randi Astrid Røine f. 1938 - datter av Anders M. Røine f. 1909 og Karen Margrete Brotnow f. 1908. Barn: Knut Arild f. 1962, Jan Tore 1965, Espen 1966, Irene 1971.

Knut Arild g.m. Torild Evensen. Barn: Marius f. 1988.

Eieren tok over i 1969 etter sin far. Driver også Værhaug (gnr. 183, bnr. 3), Roa (gnr. 183, bnr. 8) og Skustad (gnr. 180, bnr. 4), tils. 100 da. (821-2)



Frå: «*Norske gardsbruk*» Buskerud fylke 2 (1991) [side 295](#)

Stue- og kokkepige hjå kapellanen på Kirkerud

Ola Anfinson og Ingri Knutsdtr på plassen [Kjørratn](#) under Nigarden, nørre Bø i Vang, fekk 17/11-1851 ei dotter som i [Vang krk. 1/2-1852\[#4\]](#) fekk namnet **Gjartrud**. Ho vart konfirmert i Vang krk. [17/6-1866\[#20\]](#). Ved [FT1865](#) vart ho registrert saman med foreldra, ein eldre og ein yngre bror og ei yngre syster på *Kjørene*, Nordre teljkrins i Vang hovudsokn.

Ved [FT1875](#) finn vi **Gjartrud Olsdtr** som *stuepige* i [prestgarden i Vang](#) hjå prestefamilien [Konow](#). Ho var ei av ni tenestefolk i prestegarden. I tillegg kom ei *Selskabsdame*, Elisa Volf. Foreldra til **Gjartrud**, samt brørne Knut og Lars, baa skomakarar, samt systera Marit budde [ved denne teljinga](#) på *Kjørene* lno 14 i Vang.

Gjartrud har nok funne seg vel til rette med å stå til teneste for prestefolk. Når eg finn henne ved [FT1891](#) var ho komen til Lier og budde på [Kirkerud](#) gnr 177/1. Ho var då *Stue- og kokkepige* hjå res.kap. [Ole Kristian Kjøning](#) og syster hans, enkja [Ingeborg Dorothea Munthe](#). **Gjartrud** var tenar og budde på Kirkerud, hjå Kjøning og Munthe, både ved teljingane i [1900](#) og [1910](#).

Cancer vent. vart notert som dødsårsak for **Gjartrud**. Ho døydde på [Drammen sjukehus 1/7-1927\[#9\]](#), gravlagd ved Sylling krk. 7/7 s.å.

Lærer i Rollag i Numedal og seinare i Lier

[14/6-1860\[#73\]](#) fekk ein liten gut namnet **Mads** i Vang kyrkje. Guten var fødd på Kattevøl 10/8 s.å. og foreldra hans var [Bøye Trondson](#) og [Ingebjørg Bjørnsdtr](#). **Mads Bøyeson** vart konfirmert i Vang [23/5-1875\[#5\]](#). Han vert nemnt på [side 772](#) i «*Gardar og Slektar i Vang*» band A. - Familien vart både ved [FT1865](#) og [FT1875](#) registrert busette på [Kat\(t\)evold](#) nedre løpenr 41 a i Vang prestegjeld.

Kvar **Mads** tok lærarutdanning har eg ikkje funne opplysningar om, men han vart notert som «*skolelærer i Rollag*» då han [16/9-1881\[#45\]](#) gifta seg med **Marit Olsdotter** Teigen i [Johanneskyrkja](#) i Kristiania. **Marit** var dotter til gardfolka [Ole Gullikson](#) og [Anne Kittilsdtr](#), fødd Teigen 26/1-, dpt Flesberg prgj. [4/3-1855\[#12\]](#) og konfirmert i Flesberg [19/6-1869\[#3\]](#).

Ektefolka lyt ha flytta til Lier i tida hausten 1881 til sumaren 1882. Sonen **Bjørn** ^A vart fødd på [Oddevald](#) i Lier 6/9-, dpt [Sylling krk. 5/11-1882\[#171\]](#). Deretter kom borna **Olav** ^B f 20/9-, dpt [Sylling 17/8-1884\[#73\]](#). **Anna** ^C og **Ingeborg** ^D f 28/11-1886, dpt [Sylling 27/2-1887\[#1&2\]](#).

Marit(*skrive Margit*) og borna finn vi ved [FT1891](#) på [Lian-Ødegaard](#) gnr 36/2 i Vivelstad teljkrins i Lier. **Marit** hadde då *Jørand Olsen* frå Flesberg til hjelp med *Husstel* og *Gaardstel*. Kvar **Mads** var å finne i 1891 har eg diverre ikkje opplysningar om.

Ved [FT1900](#) finn vi **Mads** busett på [Øksne fattiggaard](#) gnr. 71/1 i Lier. Han vart då nemnt som *Fattiglem, gift, fhv lærer.* - Han døydde på Sommersted i Lier [29/5-1915\[#15\]](#), gravl. v Frogner krk, Lier 2/6 s.å.

De finn fleire opplysningar om denne familien i [TNG-databasen til Kjell Arne Brudvik](#).



Øksne

Gnr. 71 og 72, bnr. 1 og 4. P.adr. Egge i Lier.
Tlf. Drammen 9402.

Sk.mk. 10,11. D. jord 150 dekar (leirmold), prod. skog 300 dekar. - Våningshus bygd omkr. 1880, rest. 1904, sidebygn., stabbur bygd 1880, låve m. stall 1930, fjøs og grisehus 1907. Brt. kr. 135 000. - 3 hester, 14 kyr, 1 okse, 6 ungdyr, 3 avlsgriser, 20 hons. - Eieren kjøpte garden 1904 av Lier kommune. - Dyrking av frukt, særlig epler og plommer. Hage 12 dekar.

Eier: Amund Sylling - sønn av Svend Sylling og Anette f. Asdøl - f. 1873, g. 1904 m. Helga Toverud. Barn: Aslaug, Kristine, Gudrun, Svend, Hans.

Meierska frå Øyebygden vart kone på Brurberg

Ho var vel òg innom på Brurberg som jente ...

Sigrid fekk namner sitt ved dåp i [Røn kyrkje 1/1-1859](#)^[#20]. Faddrane var systrene *Marit-* og *Ingri Guttormsdøtre Øde*, bror deira *Ola Guttormson* samt *Marit Olsdtr Kirkevold* og *Ole Kirkevold*. Ho **Sigrid** kom til verda i Øyebygden 30/11-1858. Foreldra hennar var [Gullik Olson](#) og [Gunhild Guttorms-dotter Kyrkjevoll](#). **Sigrid** hadde ein farbror, *Ola Olson Kirkevold*, som har sin eigen stubb «.. [lærer og kirkesanger i Stavern](#)». [Gunhild Guttormdotter](#) var frå [Tuv i Røn sokn](#) medan ektemannen [Gullik](#) var barnefødd i Vang. «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*» nemner familien på [side 608](#), Øye gnr 66/2 også kalla «*Nor i gare*».

[FT1865](#) syner familien busett på Kirkevold, løpenr 135, Braute tekjekrins i Vestre Slidre. **Sigrid** vart konfirmert [7/6-1874](#)^[#5], men kyrkjebokskrivaren har ikkje notert kva for kyrkje i prestegjeldet konfirmasjonen vart halde i. Ved [FT1875](#) budde **Sigrid** framleis på Kirkevold lno 135a; ho «*hjelper Moderen*». [Krinlista](#) for *Øyebygden kreds* syner at familien er telde på line 22.



«Øyebygden kreds» - foto OHF 3/5-2003

Utflyttingsattest fekk ho **Sigrid** utferda frå Vestre Slidre i 31/3-1894. I feltet «*Naar utflyttet*» vart skrive 1885 – og feltet «*Hvorhen*» har to reisemål, Ringsaker(Gaupen) og Lier(Odvald?). Eg har ikkje funne henne registrert som innflytta korkje i Ringsaker eller Lier. Men – ho er i [FT1891](#) innført som [Meierske](#) med bustad [Sveresætren](#) gnr 84/1 i Lier, hjå enkja Johanne Ingebretsdtr.



Det er ikkje lang veg mellom Svere og Brurberg

[18/5-1894](#)^[#12] gifta **Sigrid** seg med **Sebjørn Hanson**, gardbrukar på Brurberg. Forlovarar var *Hans S Røine* og *Hans H Brurberg*. **Sebjørn** var son til [Hans Hanson](#) og [Elen Karine Sæbjørnsdtr](#). Han var f 14/4-, dpt i Sylling krk. [16/6-1861](#)^[#86] og konfirmert i Sylling [30/4-1876](#)^[#32]. Han var busett på Brurberg både ved [FT1865](#), [FT1875](#) og [FT1891](#). «*Liers historie*» nemner han under [bruksnr 5 & 6](#).

Dottera **Emma Gustava** vart fødd på Kyrkjevoll 14/4-, døypt i Slidredomen [22/7-1894](#)^[#9], konf Sjøstad kpl. [18/10-1908](#)^[#13]. **Hilda** f Brurberg 5/5-, dpt Sylling krk. [28/6-1896](#)^[#13], konf Sjøstad [25/9-1910](#)^[#6]. **Gustava** f Brurberg 28/8-, dpt Sylling krk. [7/11-1897](#)^[#11], konf Sjøstad kpl. [13/10-1912](#)^[#6]. Til sist kom odelsguten, **Hartvig** f Brurberg 3/5-, dpt Sylling [23/6-1901](#)^[#5].

Realregisterside for Brurberg gnr 88/6 [finn de her](#). Sigrid ser ut til å vera død før 13/1-1950, då vart «*Livoret*» sletta(panteregistersida). **Hartvig** tok over Brurberg med skjøte av 10/1, dbf 23/1-1938.

DISgravminner fortel at **Gustava** vart gravlagd [7/7-1922](#), **Emma** [13/5-1965](#), **Hilda** [5/6-1984](#) og **Hartvig** [11/5-1983](#).

Brurberg

Gnr. 88, bnr. 3. Sjøstad.

D. jord 100 da, prod. skog 20 da, annen utm. 120 da. Omfatter flere bnr. – Våningshus bygd 1917, nytt våningshus 1986, bryggerhus 1898, stabbur 1890, låve 1941. Brt. 1.9 mill. – Halvpart i skurtresker, traktor.

Eier: Kåre Kristoffersen f. 1952 – sønn av Karl Kristoffersen f. 1888 (d. 1968) og Karoline Nilsen f. 1907 (d. 1987) – g. 1973 m. Arnhild Marie Svang fra Gol, f. 1953 – datter av Ola Svang f. 1917 og Anne Bleikvedt f. 1922. Barn: Karl Fredrik f. 1975, Ole Bjørn 1982.

Eieren tok over i 1984 etter Hartvig Brurberg. Kåre Kristoffersen er oldebarn av Hartvig Brurbergs farfar, Hans Brurberg. (727-2)



Frå «Norske Gardsbruk» - Buskerud 2 – utg 1991 - Sjå elles «Norske Gardsbruk» Buskerud 2 -1948 [side 727](#)

Klokkarkona frå Etnedal og emissæren frå Høve i Rogne sokn

.. og klokkaren var Hemsedøl ..


På [ytre Solbjør](#) i Etnedal vart det 14/12-1843 fødd ei jente som i [Bruflat krk. 14/1-1844](#)^[#11] fekk namnet **Anne Sofie** ^A. Faddrane kom frå Solbjør og Espeset – og foreldra til jenta var gardfolka [Syver Anderson](#) og [Anne Karine Knutsdotter](#). Denne familien finn de meir om i «*Gard og bygd i Etnedal*» band C, [side 305](#).

Framme ved [FT1865](#) finn vi **Anne Sofie** som kone til lærar og [kirkesanger Nils Ulsaker](#). Han var fødd på midtre [Ulsåk](#) i Hemsedal (Gol prgj.) 1/12-1836, dpt i Hemsedal krk. [3/2-1837](#)^[#21], alle faddrane kom frå [Torset](#). Han vart konfirmert i Hemsedal [20/6-1852](#)^[#2]. Foreldra hans var [Svein Olson](#) og [Margit Nilsdtr.](#) Familien er omtala på [side 169](#) i «*Hemsedals slektshistorie 1693-1923*». «*Gard og bygd i Etnedal*» fortel i [band C side 70](#) om Bruflat skule og lærarfamilien Ulsaker.

Nils og **Anne Sofie** vart foreldre til **Svein** ^A f 12/1-, dpt Bruflat 12/2-1865, konfirmert [Åssiden](#) i Bragernes [16/4-1882](#)^[#5]. **Syver** ^B f 18/9-, dpt Bruflat [23/9-1866](#)^[#41], konfirmert [Åssiden](#) krk. [16/4-1882](#)^[#6]. **Margrethe** ^C f 3/4, dpt Bruflat [1/6-1868](#)^[#27], konf [Åssiden](#) [1/4-1883](#)^[#2]. **John** ^D f 21/5-, dpt [19/6-1870](#)^[#22], konf [Åssiden](#) [12/4-1885](#)^[#7]. **Anne Karine** ^E f 28/10-, dpt Bruflat [1/12-1872](#)^[#45], konfirmert [Åssiden](#) [17/4-1887](#)^[#5].

Familien lyt ha flytta frå Etnedal før [FT1875](#). Då finn vi [Andreas Olsen Engen](#) fødd 1848 i [ytre Holmedal](#) som «*Almueskolelærer*», busett på [Lærergaarden](#) gnr 140/3&6. [FT1875](#) for Bragernes Landsokn fortel at **Nils Ulsaker** og familien bur på løpenr 4c i [Åssiden](#), Bragernes landsokn i Lier prgj. Her budde og [Tjenestedreng Klemens Amandus Benjaminsen](#) f 1858 i Tanum sokn, Bohuslän.

I Ministerialboka for Bragernes vart **Anne Sofie**, **Nils Ulsaker** og borna registrert innflytta [2/9-1876](#)^[#103-109]. Dei skal «*tage Ophold*» på [Kjøsterud](#) og har med attest frå *personellkapellan Winsnes*. (sjå [side 121](#) i «*Valdrespresta*»). - [Panteregister nr. II 1c](#) syner at **Nils Ulsaker** fekk skjøte frå [Hans Andreas Hansen](#) Kjøsterud på [Kjøsterud østre](#) 17/9-, tinglyst 11/10-1875.



Ein skulle tru arealet til [Drammen travbane](#) tidlegare hørde til ein av Kjøsterudgardane

Gaardbruger Nils Svendsen Ulsaker døydde på Kjøsterud [1/11-1881](#)^[#4], gravlagd på [Åssiden](#) kyrkjegard 15/11 s.å. Som dødsårsak vart skriva «*Chronisk Bronchit*». - Enkje **Anne Sofie Ulsaker** fekk [uskiftebevilning](#) på Kjøsterud datert 7/11-, tinglyst 11/11-1881.

Ho **Anne Sofie** lever i enkjestand i fire og eit halvt år. Ho giftar seg oppatt, i Bragernes krk. [6/5-1886](#)^[#19] med [kolportør Ole Tollefsen](#) Haavie. Det ser ut til at **Ole** var fødd på plassen [Hølet](#) under Høve i Rogne sokn, Øystre Slidre. Foreldra hans var husmannsfolka [Tolleiv \(Tollef\) Bendikson](#) og [Kari Olsdtr.](#) «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» band B [syner på side 280](#) at plassen seinare (ved skyldsetjing) fekk gnr 45/32 og namnet Lundstein.

Ole var fødd 8/12-, dpt i [Rogne krk. 26/12-1859](#)^[#91], konfirmert i [Hegge stavkrk. 5/6-1875](#)^[#39]. Ved [FT1865](#) budde han i [Hullet, Søndre Rogne FastSkoledistrikt](#) saman med foreldra og syskena [Tollef\(1848#11\)](#), [Erik\(1854#26\)](#) og [Guri\(1857#21\)](#). Framme ved [FT1875](#) finn vi **Ole Tollefsen** og mor hans, [Kari Olsdtr](#) busette på [Haavimyren](#) lno 316c(*O Eriksens gaard*). **Ole** var då «*Dagarbeider ved Gaardsbruk*». *Ungk Ole Tollefs Hovi* fekk [30/10-1877](#)^[#30] utflyttingsattest med reisemål Kristiania.

Anne Sofie og **Ole** fekk dottera **Thora Nathalie** ^H f på Kjøsterud 1/10-, dpt [Åssiden](#) krk. [4/11-1888](#)^[#8], konfirmert av Bökkman i [Åssiden](#) krk. [2/10-1904](#)^[#4]. [FT1891](#) syner at familien budde på Kjøsterud østre gnr 3/2,1,3 i [Åssiden](#) teljekrins, Lier kommune. Her budde og sønene frå fyrste ekteskapet til **Anne Sofie**, **Syver** ^B - og **Jon** ^D Ulsaker samt budeia Karin Helliksen og hjulmakaren [Kristian Fjeld](#) f [3/10-1872](#)^[#150] på Fjell i Etnedal. Sjå «*Gard og bygd i Etnedal*» [band C, side 93](#). Vi finn **Thora Nathalie** ^H saman med foreldra og halvbroren **Syver** ^B Ulsaker på Kjøsterud østre gnr 3/2 i Lier ved [FT1900](#). Ti år

seinare, ved [FT1910](#) var **Thora** hushjelp hjå enka [Charlotte Kaurin](#) og budde i Wergelandsveien 5 i Kristiania.

Anne Sofie og **Ole Tollefsen** Haavie samt **Syver** ^B Ulsaker finn vi i [FT1910](#) busette på Aasgaarden gnr 2/8 i Borre kommune, Jarlsberg fogderi. **Ole** vart skriven *Gaardbr.Emissær* og dei hadde ei tenestejente, [Hilda Abrahamsen](#) frå Borre.

På panteboksidea til Kjøsterud østre finn vi ein merknad datert 15/11-1910: «*tingl. fuldm fra Anna Sofie Ulsaker med ret for O Haavie til at pantsætte og bortskjøte denne gaard, hvor hos hun tiltræder pt 14/9 10 git samtykke til pantsættelse til hypotekbanken ved obl kr. 11.500 tingl 16/9 10*».

Vi finn **Sven** ^A Ulsaker ved [FT1900](#) busett i Løkkeveien 11 i Kristiania. Han var då *cand.theol.* og lærar ved privatskule. [FT1910](#) fortel at **Sven** då var prest og budde til leige i Ullevoldsveien 33. Ein [artikkel hjå lokalhistoriewiki](#) fortel at Sven tok teologisk enbedseksamen i 1893 og hadde mange år som sokneprest i *Markus menighet* fram til 1934. *Sogneprest Svein* ^A Ulsaker vart gift i [Trefoldighet krk.](#), Kristiania [28/4-1918\[#144\]](#) med **Borghild Jakwitz**, dotter til handelsborgar [Edward Jakwitz](#) og kona [Chatinka](#). Familien Jakwitz budde ved [FT1885](#) i Grændsegade 8, adressa i [FT1900](#) var Elisenbergveien 25 og ved [FT1910](#) hadde dei tilhald i Oscarsgate 76. Før nemnde artikkel seier at **Svein** ^A døydde 26/10-1936 og **Borghild** døydde i 1964.

Margrethe ^C Ulsaker fekk flytteattest med reisemål *Christiania* 15/10-1889. Ho gifta seg i [Johanneskyrkja](#) i Kristiania [23/1-1891\[#128\]](#) med *handelsreisende* **Martin Johanneson**. Han var fødd på [By i Veldre](#) 20/2-, dpt i [Veldre krk.](#) [6/4-1855\[#65\]](#), konf Veldre [9/10-1870\[#2\]](#). Foreldra hans var [Johannes Larson](#) og [Gønner Larsdtr](#) (sjå namneoversyn – tabell på neste side). Familien budde både ved [FT1865](#) og [FT1875](#) på By løpenr 203a i Ringsaker prgj.



Veldre krk. – foto OHF 20/3-2007

Martin og **Margrethe** ^C finn vi ved [FT1900](#) med adresse Dahlsbergstien 2 i Kristiania. Dei har flytta til [Bergskaug](#) nordre, gnr 2/2 og 5/2 i Lier (Åssiden) ved [FT1910](#). - DISgravminner fortel at **Martin** døydde i [1937](#) og at **Margrethe** ^C døydde i [1946](#). Dei kviler på Vestre Gravlund, Oslo.

Dei var foreldre til **Bjarne Johannes** ^{C1} **Glestad** f [Sejlduksgt 17](#) i Kraa. 11/6-, dpt [Paulus krk.](#) [9/6-1893\[#207\]](#), konf Åssiden [3/4-1910\[#1b\]](#), død [20/7-1962](#), gravl. Vestre gravlund 15/11 s.å. **Sverre** ^{C2} **Ulsaker Glestad** f Kraa. 4/2-, dpt Paulus krk. 7/4-1895, konf Åssiden [3/4-1910\[#2c\]](#), gravl Vestre gravlund [27/9-1941](#) - (med same gravnr: [Evelyn Glestad](#) 30/3-1910 – 10/7-1977). **Gudrun Solveig** ^{C3} f 20/1-1897. **Max Mikael** ^{C4} **Glestad** f 13/25-, dpt Gamle Aker krk. [11/6-1899\[#88\]](#). **Sofie** ^{C5} f Kristiania 21/8-1906.

Tekniker **John** ^D Ulsaker reiste frå Kristiania [12/1-1893](#) med reisemål New York. Han budde i [Milwaukee](#), Wisconsin ved [Census 1900](#), registrert som *Boarder*(leigetakar). Han vart Amerikansk (USA) statsborgar i [1901](#).

«*Hvem er Hvem*» årgang 1948 syner ([side 431](#)) at **Anne Karine** ^E hadde dottera **Ragni** ^{E5} f 1907 og ektemann **Andreas Mourud**. Ekteparet er med i ein [GENIprofil](#). Dei budde ved [FT1900](#) på Vallø tapetfabrik der **Andreas** var disponent. Ein av eller båe ektefellene har hatt sans for god humor – yrket til **Anne Karine** var (å vera) «*til hygge og nytte*» ! Dei hadde innan [FT1910](#) flytta frå Vestfold til Aker, der dei budde i *Villa Gladshheim* – (desse folka har humor!) – Dei hadde i 1910 desse borna: **Ørnulf** ^{E1} (1896), **Reidar** ^{E2} (1898), **Marte** ^{E3} (1902), **Odd Peder** ^{E4} (1904) og før nemnde **Ragni** ^{E5} (1907). - Lat oss ta med at **Andreas** vst fødd på [Maurud](#) i Furnes 1/11-, dpt [Furnes krk.](#) [16/12-1860\[#121\]](#), konf Furnes [1/10-1876\[#7\]](#). Foreldra hans var [Peder Erikson](#) og [Marte Mikkelsdtr](#).

Kvinnenamnet GØNNER

	1801	1865	1910
Østfold	0	0	1 (1)
Akershus	0	2 (2)	4 (3)
Kristiania	0	3 (3)	14 (12)
Hedmark	71 (70)	323 (314)	198 (190)
Oppland	0	15 (4)	17 (8)
Buskerud	0	1 (1)	1 (1)
Vestfold	0	0	0
Telemark	0	0	0
Aust-Agder	0	0	0
Vest-Agder	0	0	0
Rogaland	0	0	0
Hordaland	0	0	0
Bergen	0	0	2 (1)
Sogn og Fjordane	0	0	0
Møre og Romsdal	0	0	0
Sør Trøndelag	0	0	0
Nord Trøndelag	0	0	0
Nordland	0	1 (1)	1 (1)
Troms	0	0	1 (1)
Finmark	0	0	0
I alt	71	345	239

Tala i parentes (1) fortel kor mange av kvinnene som har fødestad på Hedmarken.

Tyngdepunkter for namnet er utan tvil [Hedmarken](#), med dei fleste i Ringsaker, men og mange i Nes, Vang, Hamar og Stange. – Hugs at det er skilnad mellom Hedmark(fylke) og Hedmarken.

Det ser ut til at «*lekkasjen*» til Oppland kjem i grenseområda mot Ringsaker ...

Gunnvor k., isl. **Gunnvör**, ho som er var i eller mot strid. Sjå **Gunn** og **-vör** under **Var**. Gn. **Gunnvör**, **-varar**, sidef. og underf. **-vgru**. Ísland 900-talet - 1470, **Gunnor** isl. i Reichenau, **kunuur** i no. runerit 1075-1200 (Ni I 190, 198, IV 45), **Gun(w)or**, **Gun(n)uor**, **Gunnor**, **Gonor**, **Gwndvor** Sud-Nøreg med Bohuslän 1313-1521, **Gunnara** eigef. 1391, **Gunvor**, **-vold**, **Gun(n)or**, **-ur**, **Gonnor**, **-ar**, **Gundvor**, **-vard**, **Gono(rd)**, **Gjønno** Sud-Nøreg 1740-50, sudno. målføre **Gunnvor**, **-or**, **-år**, **-er**, **Gønner**, runesv. **kunuar**, **kynuar**, **kunur**, **gunnur**, gsv. **Gunnor**, **-ur(a)** særleg på Gotland, annars **-ar(a)** og sjeldan **Gunvor** 1286-1501, **Gunnur**, **-er** Sudvest-Sverige på 1700-talet, **Gunver** Skåne og Danmark etter 1900, gd. la. **Gunwara**, **Gunnor**, **-ur**, **-er**, **Gonore**, lg. eigef. **-uru**, ei **Gunnur** kalla **Mong** og gd. **Gunnør**, **-er(e)**, **-ur**, kann henda same n. **-erth** lg., **Gønner**, **Gunder** um nekre kvinner i segnir, ei da. i Normandie på 900-talet, Lund og Danmark 1100-talet - 1620, Reichenau **Guonuuara**, **Gunduara**, ge. **Gunware**, ght. **Gunduara**.

Frå [Vågslid](#): «Norderlenske fyrenamn» [side 153](#)

Gønner ei form (Hedmark, Oppland) av **Gunnvor**.

Frå Olav Veka «Namneboka» [side 41](#)

Kven hadde attest frå Sigdal ?

Han Syver var nok den eldste av Valdrisane som enda opp i Lier – og av og til handsamar eg personane i stubbane slik det vart skrivne i [Matt 20, 1-16](#)

Syver Halvordson Pukkerudeie gifta seg i [Lunder krk.](#) i Norderhaug prgj. [31/5-1835](#)^[#29] med **Guri Andersdtr Sørsdal**. Han var enkjemann, 42 år gml – ho var pige, 20 år gml. Det vart då notert ei attest frå Sigdal datert 13 mai og *fra Sørensen af 30 Mai*. Eg finn inga innførsle i Sigdal prgj – så kven som hadde attest derfrå ligg i skodde. Ein tanke er at **Syver** kunne ha vore gift i Sigdal prgj.; då han var skriven *Enkemand* ved vigsla i Norderhaug prgj.

Guri var konfirmert i Lunder krk. [2/7-1820](#)^[#15], far hennar var **Anders Sørsdal**. **Syver Halvorson** var døypt i Hedalen stavkrk. [23/3-1792](#)^[V side, 3.nedanfrå]. Foreldra hans var soldat **Halvor Syverson Ilianstad** og **Gudbjørg Sivertsdtr Rustebakke**ie. «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band D nemner han **Syver** på [side 19](#) (Åsli bruk I). *Liers historie* har også mange opplysningar om **Syver** og etterslekta hans, både på [Fuglerud](#) (Bruk I), [Hørte](#)(Svingen), [Brevik](#)(Bruk I) og [Røine](#)(Røinehaugen).



Eg vel å kalle dette biletet «*Åsli lufthamn*» - *SwallowAir* har okkupert heile fjernsynsantenna ! (OHF 2014)

Guri og **Syver** hadde desse borna, alle fødte i Norderhov prgj.: **Inger** ^A f **Pukkerude**ie 3/6-, dpt Lunder krk [13/8-1837](#)^[#76], konf [Sylling krk.](#) [8/8-1852](#)^[#33]. **Marte** ^B f **Sørsdal** 13/7-, dpt Lunder [1/9-1839](#)^[#159], konf Sylling [31/7-1853](#)^[#21]. **Anders** ^C f **Sørsdal** 12/8-, dpt Lunder [21/8-1842](#)^[#181], konf Sylling [15/9-1858](#)^[#2]. **Elling** ^D f **Sørsdal** 10/5-, dpt Lunder [14/6-1845](#)^[#136], konf Sylling [7/10-1860](#)^[#10]. - Familien vart innskriven som innflytta til [Fuglerud](#) i Lier prgj. i [1847](#)^[#32-37]. Det ser ut til at dei hadde med attest frå soknepresten i Norderhoug – datert 3/8-1847.

Guri Andersdtr døydde på [Fuglerud](#) [17/6-1859](#)^[#54], gravl Sylling 23/6 s.å. – Ved [FT1865](#) finn vi enkjemann **Syver Halvorson** på [Fuglerud](#) løpenummer 418a2; saman med sonen **Anders** ^C og dottera **Inger** ^A. Ved [denne teljinga](#) finn vi **Marte** ^B som tenestjente på [Hørte](#).

Fyrst ute med giftarmål var eldstejenta **Inger** ^A. Ho gifta seg i Sylling krk. [8/11-1869](#)^[2.par ovanfrå]. Ungkaren, som no gjekk over til å vera gift mann, var **Bernt Svenson**, son til gardfolka **Svend Kristofferson** og **Mart Bentsdtr Skuttestad**([Skustad](#)). **Bernt** var f 11/1-, dpt [1/3-1840](#)^[#26] i Sylling krk., konf Sylling [Olsok](#), [29/7-1855](#)^[#9].

Bernt og **Inger** ^A hadde fått dottera **Gunhild Marie** ^{AI} f [Røine](#) 15/6-, dpt Sylling [1/8-1869](#)^[#88]. Familien budde ved [FT1875](#) på [Holtsmarke](#)ie i Lier. Framme ved [FT1891](#) finn vi **Gunhild Marie** ^{AI} som budeie(*Kreaturstel*) hjå familien [Toverud](#) på gnr 192/1 i Lier kommune. Foreldra hennar budde ved same teljing, [FT1891](#), på på [Fuglerud](#), gnr 185/2 i Lier kommune. Ni år etter fortel [FT1900](#) at dei budde på [Fuglerud](#) gnr 185/2,7 i Lier.

Gunhild Marie ^{AI} starta ekteskap med *meierimaskinist* **Julius Jørgenson** Teigen i Sylling krk. [5/10-1895](#)^[#4]. **Julius** var fødd på Syllingeie 30/1-, dpt Sylling krk. [24/3-1861](#)^[#40], konf [22/4-1877](#)^[#19] i Sylling krk. Han var son til husmannsfolka **Jørgen Anderson** og **Ingeborg Kirstine Jonsdtr**. Dei budde ved [FT1865](#) på Syllingbråten, [FT1875](#) kalla plassen Syllingeie. [FT1891](#) fortel at **Julius** då var *fyrbøder* ved Sylling Meieri.

Julius og **Gunhild Marie** ^{AI} budde på Teigen då dottera **Klara Ingeborg** ^{AI1} vart fødd, 21/1-, dpt Sylling [1/3-1896](#)^[#2], konf [25/9-1910](#)^[#11]. Sonen **Jørgen** ^{AI2} kom til verda på [Fuglerud](#) 30/4-, dpt i Sylling krk. [19/6-1898](#)^[#14], konfirmert Sylling [6/10-1912](#)^[#32]. - Dei to borna vart snøgt farlause. **Julius** døydde av *Mave- og Hjørnebetennelse* [18/12-1899](#)^[#17] og vart gravl ved Sylling krk 24/12 s.å. Det vart nok inga god jule- og nyårshelg for enkja som sat att med ansvar for to småborn. Korleis ville det nye hundreåret ta imot dei ?

Teljinga [1900](#) syner at **Gunhild Marie** ^{AI} hadde flytta heim til foreldra sine med borna, dei budde då på [Fuglerud](#) gnr 185/2,7 i Lier. Ho budde ved [FT1910](#) på [Horn søndre](#) gnr 191/1 i Lier der ho var i teneste med *Husgjerning*. Borna hennar budde i [1910](#) på [Fuglerud](#) saman med besteforeldra sine.

Besteforeldra hadde sterk helse. **Bernt** døydde [23/9-1929](#)^[#6], gravl Sylling 30/9 s.å. Ho **Inger** ^A **Syversdtr** vart heile 93 år gamal. Ho døydde på [Fuglerud](#) [22/2-1931](#)^[#2], gravlagd 2/3 s.å.

Jørgen ^{A12} **Fuglerud** gifta seg i Sylling [10/5-1924\[#1\]](#) med **Klara Fridheim** f **Grimeieige** i Søndre Land 11/4-, dpt Hov krk. [14/5-1905\[#24\]](#). Ho budde ved [FT1910](#) saman med fem sysken og for-eldra på **Fridheim**, gnr 29/16 i Vardal kommune. DISgravminner syner at **Jørgen** ^{A12} døydde 27/12-1983, gravl 30/12 s.å. **Klara** døydde 26/9-1998, gravl 30/9-1998. Dei kviler ved Sylling kyrkje. **Klara Ingeborg** ^{A11} og **Jørgen** ^{A12} er med i ein [GENIprofil](#).

Marte ^B **Syversdtr** er den andre av syskenflokken som vart smidd i Hymens lekkjer. Ho sto brur i Sylling krk. [13/2-1870\[#6\]](#). Brudgommen, *arbeidsmand* **Kristen Pederson**, var son til husmanns-folka **Peder Christensen** og **Mari Olsdtr** på **Østre Engereige** f 20/10-1840, dpt Sylling [10/1-1841\[#5\]](#). Eg undrast på om der var **Kristen** som var *Tjenestekarl* på [Sollien](#) i Asker ved [FT1865](#).

Kristen og **Marte** ^B budde ved [FT1875](#) på Hørteeige i Sylling teljekrins, Lier prgj. Dei hadde då døtrene **Gunhild Marie** ^{B1} f Bergseie, Asker 2/2-, dpt **Asker krk.** [19/3-1871\[#42\]](#), konf Sylling [10/10-1886\[#21\]](#) og **Severine** ^{B2} f Hørteeige 30/9-, dpt [15/11-1874\[#175\]](#).

Kristen var ved [FT1891](#) forpaktar på Hørte gnr 178/1. Ved denne teljinga budde døtrene **Petra** ^{B3} f Hørteeige 9/7-, dpt Sylling [6/8-1876\[#135\]](#), konf Sylling [4/10-1891\[#38\]](#) og **Elise** ^{B4} f Hørteeige 28/4-, dpt [3/7-1881\[#113\]](#), konfirmert Sylling krk. [6/10-1895\[#13\]](#) saman med foreldra. - Same teljing ([1891](#)) syner at **Severine** ^{B2} var tenar (Budeie?) på Sørsdal gnr 136&138/7,3.

Gunhild Marie ^{B1} vart gift i Sylling krk. [28/12-1898\[#12\]](#) med *Skovhugger* **Kristian Larsen**. Han var uekte son til husmann, enkjemann **Lars Olson Solbergeige** (f [1837](#)) og *pige* **Lovise Kristiansdtr** (f [1849](#)) på Modum. - **Kristian Larsen** var fødd på Solbergeige 27/11-1877, døypt i Sylling krk. [17/3-1878\[#44\]](#) og konfirmert i [Heggen krk.](#), Modum [2/10-1892\[#36\]](#). Han budde ved [FT1891](#) på husmannsplassen **Glitre**, gnr 37/1 i Finnemarka, Modum kommune. **Kristian** og **Gunhild Marie** ^{B1} vart i [FT1900](#) registrert som gardbrukarpar på Breivik(**Tomte**) gnr 190/5 i Lier kommune. Det ser ut til at han fekk skjøte på garden 14/11-1903, tinglyst [6/6-1904](#) og sel vidare til David Johanneson Tomte 5/4-1910.

Severine ^{B2} finn vi ved [FT1900](#) som *husholderske* hjå smed og tømmerhoggar **Andreas Christiansen** på plassen Nygaard under gnr 189/1. Barnet **Kristen Olson** ^{B21} er son til **Severine** og *gmdsøn, ungkarl* **Ole Olsen**. **Kristen** var fødd på Horn i Hørte 8/4-, dpt i Sylling [29/5-1898\[#11\]](#). Det syner seg at **Severine** ^{B2} gifta seg med **Andreas**(enkemann) [22/10-1900\[#4\]](#).

Petra ^{B3} gifta seg [2/7-1897\[#5\]](#) med **Truls Olson**, gardbrukar på **Solberg østre** gnr 166/2 i Lier. Han var son til *Medhjelper* **Ole Trulsen** og **Ingeborg Torgersdtr**, f Solberg 26/10-, dpt Sylling krk. skotårsdag [29/2-1851\[#24\]](#), konf Sylling [13/10-1867\[#1\]](#).

Truls og **Petra** ^{B3} fekk desse borna: **Ole** ^{B31} f 1/7-, dpt Sylling [20/9-1896\[#15\]](#), konfirmert Sylling [1/10-1911\[#17\]](#). **Ingeborg** ^{B32} f 8/2-, heimedpt 22/2-, dpt Sylling [19/6-1898\[#11\]](#), konf Sylling [6/10-1912\[#2\]](#). **Martha** ^{B33} f Solberg 13/3-, dpt Sylling [18/6-1899\[#7\]](#), konf Sylling [28/9-1913\[#14\]](#). Så kom tvillingane **Truls** ^{B34} og **Kristen** ^{B35} fødte og heimedøypte på Solberg [3/11-1900\[#19&20\]](#) av *jordemoder frøken Hansen* med foreldra som vitner. **Truls** ^{B34} døydde [3/11-1900\[#13\]](#), gravl Sylling 11/11 s.å. medan **Kristen** ^{B35} døydde av *Krampe* [16/12-1900\[#17\]](#), gravl Sylling 23/12 s.å. – Familien var å finne på Solberg østre ved [FT1900](#).

Så kom borna **Olaf** ^{B36} f 24/2-, dpt Sylling [22/6-1902\[#8\]](#), konf Sylling [1/10-1916\[#7\]](#). **Thora Pauline** ^{B37} f 16/5-, dpt Sylling [7/8-1903\[#12\]](#). **Karl** ^{B38} f 19/1-, dpt Sylling [24/6-1906\[#17\]](#), konf Sylling [3/10-1920\[#7\]](#). **Karen** ^{B39} f Solberg 25/12-1907, dpt [31/3-1908\[#16\]](#), konf Sylling [23/9-1923\[#8\]](#).

Solberg, gnr 166/2 i Lier var bustadadressa ved [FT1910](#). Der budde og tenestjenta Emma Bakkerud, husmann og dagarbeidar **Kristen Olsen** f 1837 og **Karen Olsen** f 1847, bortsett av Sylling Fattigvesen. **Truls Olson Solberg** døydde [1/8-1921\[#6\]](#), gravl Sylling 9/8 s.å.

Ingeborg ^{B32} gifta seg i Frogner kirke, Kristiania [7/5-1921\[#0\]](#) med **Andreas Kolbjørnson**, gbr på Brevik i Sylling. **Andreas** var f på **Heslia** i Krødsherad 3/3-, dpt [12/6-1892\[#16\]](#), konf Krødsherad [7/10-1906\[#31\]](#). Han var son til gaardmandsparet **Kolbjørn Gulbrandsen** og **Åse Torsteinsdtr**. Vi finn han både i [FT1900](#) og [FT1910](#) på Heslia. Meir om garden finn de i «*Norske Gardsbruk*» [utg.1948, side 681](#). Liers historie (*søndre Brevik*) fortel at **Andreas** og **Ingeborg** ^{B32} budde på Brevik gnr 190/3 i Lier. Omtale av garden finn de i «*Norske Gardsbruk*» Buskerud fylke [band II, side 202](#).

[8/10-1921\[#10\]](#) vart **Martha** ^{B33} gift med *Chauffør*(med egen forretning) i Seilduksgt 26 i Drammen, **Trygve Karlson** Guldhagen. Han var son til **Karl Hanson Sundt** og **Inga Karoline Andersdtr**, f [Kantum](#) 23/11-, dpt **Haug krk.**, Øvre Eiker [16/12-1894\[#58\]](#).

Thora Pauline ^{B37} fann seg ei [Mossekråke](#). Ho gifta seg i Sylling krk. [20/8-1927](#)^[#7] med gbr. **Ove Kristian Krogsvold**. Han var son til [Vognmand](#) Hans Jakob Krogsvold og Hansine Kristine. Dei budde i Klostergate 1 då han var f 22/2-, dpt i Moss krk. [19/5-1902](#)^[#60]. Han er med i ein [GENIprofil](#).



Fra Lierbanens Endepunkt ved Holsfjorden

Postkort frå Sylling

Anders ^C **Syverson** vart gift i Sylling krk. [10/7-1874](#)^[#24] med **Maren Trondsdr**, dotter til [Trond Torsteinson](#) og [Inger Andersdr](#). **Maren** var fødd på [Solumseige](#) i Sigdal 12/11-, døypt i [Sigdal krk.](#) [26/12-1850](#)^[#103], konf Sigdal [18/10-1865](#)^[#17]. Familien budde ved [FT1865](#) på Malinrud i Sigdal prgj.

Maren og **Anders** ^C vart foreldre til; alle døypte og konfirmerte i Sylling krk.: **Sigvart** ^{C1} fødd på Fuglerud 5/10-, dpt [15/11-1874](#)^[#171], konf [6/10-1889](#)^[#25]. **Teodor** ^{C2} f Røine 25/8-, dpt [1/10-1876](#)^[#166], konf [4/10-1891](#)^[#16]. **Gustav** ^{C3} f Fuglerud 3/12-1879, dpt [1/2-1880](#)^[#20], konf [6/10-1895](#)^[#8]. **Inga** ^{C4} f Fuglerud 1/2-, dpt [1/4-1883](#)^[#8], konf [2/10-1898](#)^[#15]. **Andreas** ^{C5} f 27/4-, dpt [20/5-1886](#)^[#15], konf [6/10-1901](#)^[#2]. **Anton** ^{C6} f Røinehaugen 29/1-, dpt [14/6-1891](#)^[#16], konf [1/10-1905](#)^[#9].

Familien budde på Fuglerud ved [FT1875](#). [FT1891](#) og [FT1900](#) fortel at dei då budde på Røine(Røinehaugen) gnr 183/5mm og [FT1910](#) syner bustad Røinehaugen gnr 183/7.

Maren Trondsdr døydde på Røinehaugen [19/1-1909](#)^[#4], gravl v Sylling krk 30/1 s.å. [FT1910](#) for Brevik nordre gnr 190/6 i Lier syner at **Sigvart** ^{C1} då var gardbrukar der. Brørne hans, **Gustav** ^{C3} og **Anton** ^{C6} budde også der, saman med ei hushjelp/budeie, ein leigetakar(*rentenist*) og guten Peder Helland, bortsett av Drammens [Værgeråd](#).

Så vidt eg kan sjå var **Andreas** ^{C5} den einaste av syskena som fann seg ektefelle. Jenta var [Moing](#), men om ho hadde med *hamar og tong* – tvilar eg på. Ho heitte **Helga Marie** og var dotter til [Jonas Martinson](#) Kind og [Mathilde Paulsdr](#). Ho var fødd på [Brekke i Modum](#) 8/12-1897, dpt i [Heggen krk.](#) [6/3-1898](#)^[#10], konf Heggen krk. [6/10-1912](#)^[#3]. [FT1900](#) syner at familien då budde på Brekke gnr 18/11, ved [FT1910](#) er bustaden Solheim gnr 18/16 i Modum kommune.

Helga Marie og **Andreas** ^{C5} gifta seg i Sylling krk. [22/9-1918](#)^[#3]. Dei hadde borna **Arvid Henry** ^{C51} f Gampedalen 19/4-, dpt [8/6-1919](#)^[#9], død [25/7-1993](#), gravl Sylling 30/7 s.å. **Trond Solberg Røine** ^{C62} f 18/6-, dpt [28/8-1921](#)^[#16], død [7/3-2008](#), gravl Haslum krk. 18/6 s.å. Han er med i ein [GENIprofil](#). **Rolf Magne Røine** ^{C63} f 24/4-, døypt [29/7-1923](#)^[#16], død [27/1-1980](#), gravl v Sylling krk. 1/2 s.å. **Björg Lillian Røine** ^{C64} f 28/8-, heimedpt [15/9-1925](#)^[#13], død uten daapsstedfestelse.

Andreas ^{C5} døydde iflg DISgravminner i [1970](#), gravl Sylling kyrkjegard. - Frå DISgravminner ser det vidare ut til at **Inga** ^{C4} døydde i [1947](#), **Sigvart** ^{C1} i [1955](#), **Teodor** ^{C2} i [1960](#) og **Anton** ^{C6} i [1964](#).

Ho Marit vart både Totning, Sogning og Liung

Ungk **Anders Anderson** frå [Køllstad](#) og pige **Berte Jøgersdtr** frå [Køllstadeige](#) starta ekteskap [27/4-1848\[#9\]](#), truleg i [Rogne kyrkje](#). Forlovarane var frå Røe og LisRøe. - Innan dei vart ektefolk hadde dei vorte foreldre til ei jente, f 10/12-1847. Ho fekk i Rogne kyrkje, [16/1-1848\[#3\]](#) namnet **Marit**. Då ho **Marit Andersdtr** vart konfirmert i [Hegge krk.](#) [14/6-1863\[#57\]](#), hadde ho fått fire yngre sysken. Leitar de etter henne i «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» [s360](#) er det til fånyttes. Ho er ikkje nemnt i syskenflokket, tilliks med det yngste barnet, **Knut** ([1/2-1870](#) – [11/3-1870](#)).

Berre eit par år etter at **Marit Andersdtr** var konfirmert, finn vi henne som tenestjente på [Gran mellom](#) i Lensbygda på Toten, [FT1865](#). Garden *Gran* låg då i Vestre Toten prgj., men [grensene i dette området](#) har seinare flytta på seg. – Lat meg ta med [FT1865](#) for [Bakken](#) lno 323b i Øystre Slidre prgj.

Så har nok ho **Marit** sett nasen i vestleg lei. [22/4-1874\[#4\]](#) fekk ho utflyttingsattest frå Øystre Slidre med reisemål [Kaupanger](#), Indre Sogn – *for at giftes*. No har eg ikkje greidd å finne noko giftarmål for **Marit** i Sogn, men det vart notert at ho døypte ei *uægte* dotter, **Josefine Albertine** [A](#) i Sogndal prgj. [5/7-1874\[#29\]](#). Jenta var fødd 14/6 s.å. og faren var enkjemann, målarvein **Jan Erik Baudin**. Det er notert at han var fødd i [Fredrikshald](#) i 1823 – utan at eg fann han i kyrkjebøkene. – Men eg fann dåp av eit tvillingpar i Leikanger prgj., *Eugenie Eleonora Substantine* og *Frans Leonard Bernadotte*, f 28/5-, dpt Leikanger 19/7-1870. Mora heitte [Maria Kristin](#).

I samband med dåpen av **Josefine Albertine** [A](#) vart det notert at dette var **Marit Andersdtr** sitt 2. leiermaal, utan at eg har funne opplysningar om det fyrste.

Eg fann ikkje familien i Sogndal prgj. ved FT1875, heller ikkje i Rogne sokn, Ø Slidre. Men 7/5-1877 vart **Marit** og **Jan Erik Baudin** foreldre til ei jente som fekk namnet **Berte Marie** [B](#) ved dåp i Rogne krk. [3/6-1877\[#40\]](#). Dei lyt ha halde til på Leirskogen ei tid, dei fekk ein son på [Hafton](#) 20/9-, dpt **Frantz Leonard Bernadot** [C](#) i [Bagn krk.](#) [1/1-1882\[#2\]](#). Ein skulle tru at dei også har gifta seg mellom 1877 og 1882 – han var «*gift mand*» med *uægte* barn i 1877 og barnet i 1882 var *ægte*.

Det syner seg at **Marit Andersdtr** hadde forflytta seg til Lier. Ho vart ved [FT1891](#) registrert som *enkje* **Marta Andersdtr** – og ho budde på Brønna, gnr 68/6 i [Egge](#) teljkrins i Lier kommune. - Neste gong vi treffer på ho **Marit** er ho brur i [Frogner krk.](#), Lier prgj. Ho gifta seg [8/12-1895\[#22\]](#) med gardbrukar **Hans Mikkelsen** på Egge. Her står det svart på kvitt i kyrkjeboka at dette var *fyrste ekteskapet* til båe ektefellene. Her lyt det vara nokon som er gode til å skrøne

Hans var uekte son til *Pigen* [Oliane Hansdtr](#) Sjaastad Eje og *Ungkarl* [Mikkel Olsen](#) SørumEje. Han var f 31/12-1839, dpt Frogner krk [9/2-1840\[#13\]](#), konf Frogner [4/11/1855\[#21\]](#). Ved [FT1865](#) budde han på Egge saman med foreldra, broren Ole (1845) og systera Andrine (1849).

Framme ved [FT1900](#) ser vi at ho **Marit** hadde fått sonen **Frantz Leonard Bernadot** [C](#) inn på Brønna. Eg går ut frå at det er han vi i [FT1910](#) finn som Tresliperiarbeidar med bustad Ringstad gnr 113/6 i [Aasbygden](#) teljkrins i Norderhov kommune på Ringerike. Arbeidsplassen var truleg [Viul tresliperi](#). Kona, **Karine Arnesdtr** var dotter til husmann [Arne Tollefsen](#) og [Guri Iversdtr](#) på [Gunbjør-rudeige](#), f 29/9-, dpt Viker krk. [21/11-1886\[#8\]](#).

Kone **Marit Andersdtr**, stundom skrive *Martha*, døydd på Egge [6/12-1902\[#21\]](#), gravl. 16/11 s.å. ved Frogner krk., Lier. Dødsårsak vart notert som «*Kræft i livmoderen*». Det ser ut til at **Hans Mikkelsen** selde Brenna 68/6 til Nils Rinen med skjøte datert 20/4-, [tinglyst 21/5-1906](#).

Parti fra Egge, Lier



Skreddar frå Bagn via Nes i Hallingdal til Lier

Det var ikkje uvanleg at folk frå Aurdalsbygdene fann seg ektefeller frå grannedalføret i vest. Eg har i tida 1830-1940 funne nærare 40 ekteskap inngått i [Nes og Flå](#) i Hallingdal der ein av partane kom frå Valdres. For [Gol og Hemsedal](#) er talet bortimot det dobbelte, ikring 80 ekteskap over fylkesgrensa.

I denne stubben slær vi lag med **Erik Gudbrandson** frå [nerre Sørflaté](#) i Bagn sokn. Han var son til [Gudbrand Olson](#) (1841-1926) og [Siri Maria Eriksdtr](#) (1847-1936). **Erik** var fødd 12/4-, døypt i [Bagn krk. 30/5-1875](#)^[#36] og konfirmert i Bagn [30/4-1890](#)^[#4]. Han vart skriven inn ved [FT1875](#)^[#4] saman med foreldra og storebroren Ola Gudbrandson. Framme ved [FT1891](#) vart det notert at **Erik** si «*Erhvervsgren*» var «*Haandverk: Skrædderarb.*». Bustad var då skrive *Sørflaten(vestre)* gnr 28/1 (sjå [Husholdningens Nr 54](#)), men «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band A, [side 569](#) nyttar *Nedre Sørflate*. Husliste for 1891 finn de [her](#).

Framme ved [FT1900](#) har **Erik** teke vegen vestover med yrket sitt. Han var då «*Skrædder for egen regning*» og budde på Bankpladsen [gnr 53/8](#) i Nes kommune i Hallingdal. Her finn vi nok ein skreddarkar, [Andreas Lineikro](#). frå [Reinli](#). Karane leigde rom hjå ekteparet skomakar Knut Sandanbråten og Mari Nilsdtr.

Attåt å laga og reparere fottøy – hadde nok han **Erik** teke seg tid til å sjå etter kvinnfolk. Han hadde fridd til ho **Margit Halvorsdtr** Jorde og fått ja – og bryllaup vart det i [Nes krk. 18/5-1905](#)^[#4]. **Margit** var dotter til [Halvor Olson](#) og [Eli Amundsdr](#) – og fødd på Jorde 2/2-, dpt Nes krk. [12/3-1882](#)^[#7], konf Nes [9/5-1897](#)^[#6].

Sonen **Georg**^A vart fødd på Grønsand i Nes 28/2-, dpt i Nes krk. [20/5-1906](#)^[#19], konf Sylling [3/10-1920](#)^[#8]. **Sigrid Emilie**^B kom til verda i [Jordeshagen](#) 10/12-1907, dpt Nes krk. [23/2-1908](#)^[#9] og konf i Sylling [24/9-1922](#)^[#7]. Familien har flytta til Sylling før FT1910 ([1/12-1910](#)), utan å ha lagt att spor i kyrkjebøkene. [FT1910](#) fortel at *Skræddermester Sørflaten* med familie då budde i [Valhal, gnr 172/16](#) i Sylling. Yngste sonen vart fødd i Valhall 14/12-1914, han fekk namnet **Harald**^C i Sylling kyrkje [2/4-1915](#)^[#6], konfirmert i Sylling [29/9-1929](#)^[#15].

Vesle **Harald**^C var knapt fire år gamal då han vart morlaus. **Margit Halvorsdtr** døydde i Valhall [29/10-1918](#)^[#24] og kyrkjeboka seier at ho vart gravlagd same dag. I rubrikk «*Opgit dødsarsag*» vart skrive «*Lungebetændelse*». Svært mange har denne og «*Spansk syge*» notert i nemnde rubrikk.

Enkjemannen **Erik** gifta seg oppatt med sambygdingen **Borghild Leistrudbakken**. Ho var dotter til [Halstein Olson](#) og [Maria Oldstr](#). Ho var f i [Leistrudbakka](#) 15/1-, dpt i Bagn krk. [10/3-1901](#)^[#1] og konfirmert i Bagn [9/5-1915](#)^[#8]. - Bryllaupet var i Sylling krk. [8/10-1922](#)^[#12]. **Borghild** vert nemnt i «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band A, [side 449](#).

Borghild og **Erik** vart foreldre til ein gut 27/10-1924. Guten fekk namnet **Magne**^D i Sylling krk. [18/1-1925](#)^[#2]. Han fekk ikkje lang tid saman med far sin. - *Gift skrædder Erik Sørflaten* døydde på Enger [20/11-1927](#)^[#11] av *Hjertefeil*. Han vart gravlagd ved Sylling krk. 28/11 s.å.

Sigrid Emilie^B finn vi som brur i Trefoldighets krk. i Oslo [31/3-1932](#)^[#34]. Brudgom: **Halvor Kristenson Espeset**. Han var f på [Espeset](#) i Nes, Hallingdal 1/1-, dpt i Nes krk. [12/3-1905](#)^[#5] og konf i Nes [25/4-1920](#)^[#10]. [FT1910](#) plasserer han på [Sommarhaugen](#) gnr 54/35 i Nes kommune saman med foreldra, ein bror og fire systre.

Sigrid^B og **Halvor** vart, iflg «*Norske Gardsbruk*» Buskerud bd 2, utg 1948, [s 1128](#); foreldre til **Margit**^{B1} (1934-1942); **Sverre Harald**^{B2} (1943) og **Margit**^{B3} 1945. «*Norske Gardsbruk*» utg. 1995 plassererer familien på *Eidal, søre og Døleplass* ([side 529](#)).

DISgravminner fortel at **Borghild Sørflaten** døydde 28/11-1967. Ho er gravlagd ved [Ski krk.](#) i Follo. Her kviler og sonen **Magne Sørflaten** (død 18/10-1994) saman med **Gunnar Sørflaten** (31/5-1961 – 11/2-2000)



Vestfold fylke (Jarlsberg grevskap og Larvik grevskap)



Valdrisar i Vestfold

Område / Ftår	1865	1875	1885	1900	1910	Gifte		Døde	
						M	K	M	K
Ourdahl	22	6	7	18	44	20	13	14	16
Slidre	12	13	5	6	16	6	2	5	3
Vang	0	0	0	2	7	0	0	3	1
«Valdres»	14	3	2	6	14	1	1	4	0
i alt	48	22	14	32	81	43		46	

Valdrisar i Vestfold i 1768, 1831 og 1947

Eg har ved fleire høve åtvart mot å sjå på bygdebøker som sanningsvitne. Lat meg likevel innleia med å nemne dette frå Ramnes Bygdebok, band I, [side 162](#); Nordre [Skjeggstad](#): *Kristoffer Jakobsen solgte sin halvpart av gården i 1768 for 680 rdl. til Paul Gulbrandsen fra Valdres. Han kjøpte halvparten av nabobruket i 1770 for 330 rdl. Hans kone, Sigrid Syvertsatter døde her i 1773, 49 1/2 år. Det heter i skiftet etter henne at Paul var ukjent i bygda og hadde forkjøpt seg. Han trodde gården vatr bedre enn den var. - Sleipe seljarar høyrer til i alle tider ...*

Paul Gulbrandsen og sonen **Sivert Paulsen** finn vi ved [FT1801](#) busett på [Himberg](#) i Ramnes. **Syver Paulson** var døypt i Bagn kyrkje [2/9-1753](#)^[Hside,2.nedanfrå] med foreldre *Poul Gulbrandsen Østegaarden* og *Sirie Syversdtr.* Familien er nemnde på side 281 i band A av «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*». Om familien på Himberg finn de meir på [side 503](#) i Ramnes Bygdebok.

*Enkemand Amund Amundsen Hvidsteneie, gl. 47 Aar gifta seg i Botne prgj. 29/12-1831^[#1] med Pigen **Guri Olsd** HvidsteenEie af 48 Aar. - **Guri**, 46³/₄ Aar er skriven innflytta som *Tjenestepige* til Botne frå *Søndre Ourdahl* i [1831](#)^[#7], ho har med *attest fra hr. Pastor L Pettersen*. Ho vart døypt i Hedalen [8. januar 1785](#)^[Vside,3.nedanfrå] og foreldra er skrivne *Ole Olsen Aspelholteje* og *Barbro Guttormsdatter*. Ho kan også vera den **Guri Olsdtr** Nærbyeje som vart konfirmert av *Hrr Album* i Hedalen [4/10-1801](#).*

Amund var døypt i Hedalen [25. mars 1785](#)^[Hside,3.ovanfrå]. Vi finn han under kapitlet «*Uægte Børns Daab*» – Mor hans er skriven *Kari HalsteensDatter Nærbye* og *Barnets fader gift Mand Amund Olsen Groff*. «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band D fortel på side 160 at foreldra hans fekk tukthusstraff «for å forbedre sitt levnet og andre til advarsel».

Amund Amundsen gl 29 aar på [Nordre Klev](#) gifta seg [12/4-1815](#)^[#9] i Botne prgj. med enkja **Anne Cathrine Olsdtr** gl 49 aar. Ei **Anne Olsdtr**, 19 år gamal, er i [FT1801](#) notert busett på [Rove](#) i *Bothne* prgj. **Anne Katrine Olsdtr** Hvidsteneje, 64 aar, døydde [19/7-1830](#)^[#14], gravl 24/7 s.å. - (Skal vi tru at [Karl Rove](#) sitt etternamn har tilknytning til [Holmestrand/Botne](#)).

Ved [FT1865](#) er *Arbeidsmd. Amund Amundsen* og **Guri Olsdatter** busette på Roveeie i Botne. Dei nådde baa høg alder, men var nok ikkje formuande. *Kone og Fattiglem Guri Olsdtr* 88 aar, fød 1785 døydde på [Grønmark](#) Fattiganstalt [26/3-1873](#)^[#8] og vart gravl. 2/4 s.å. - **Amund Amundsen Enkemand, Fattiglem**, f 1785 i *Valders*, døydde på [Greaker](#) [16/12-1880](#)^[#17], gravl. 21/12-, jordfesta 25/12- s.å.

Her tek eg òg med eit døme frå «*Norske gardsbruk: Vestfold fylke. 1*» - utgjeve 1947.




Barkost
Gnr. 87, bnr. 2. P.adr. Barkost.
 Sk.m.k. 1,65. D. jord 50 dekar (sandmold og leir-jord), annet jbr. areal 5 dekar. – Våningshus, låve, fjøs, stall og grisshus under samme tak bygd omkr. 1900, vedskjul, vognskjul, melkebu. – 1 hest, 4 kyr, 1 okse, 1 ungdyr, 2 griser. – Eieren kjøpte garden 1932. Han har groftet hele eiendommen.
 Eier: Peder Lahaug, f. 1876 i V. Slidre, Valdres, sønn av Ole Nilsen Lahaug og Anne f. Knutsdatter Rudi.


Vi finn, attåt ovannemnde gardsbruk, sju andre gardar der folk med Valdresrøter er nemnde som eigarar eller kårfolk - [1](#), [2](#), [3](#), [4](#), [5](#), [6](#), [7](#).

For å ta med litt meir tilvisingar frå sekundærkjelder kan nemnast at desse bygdebøkene har referansar til Valdres – **Botne** (sidetal): [81](#), [129](#), [251](#), [361](#), [396](#), [455](#), [457](#), [496](#), [624](#), [625](#), [715](#), [768](#), [882](#). **Brunlanes**: [507](#), [571](#), [800](#), [1095](#). **Hof**: [70](#), [100](#), [210](#), [245](#), [491](#), [498](#), [511](#), [559](#), [578](#), [687](#), [844](#). **Ramnes**: [172](#), [183](#), [184](#), [186](#), [388](#), [458](#), [463](#), [464](#), [571](#), [572](#), [616](#), [766](#), [960](#), [1129](#), [1196](#), [1204](#), [1229](#), [1288](#). **Sandar**: [178](#), [248](#), [272](#), [335](#). **Sande**: [370](#), [727](#). **Våle**: [62](#), [295](#), [306](#), [542](#), [703](#), [704](#).

Då er tida komen for å gå over til småstubbane ...



Feiermester i Tønsberg og Feierinspektør i Kristiania brorsonen vart Feiermester i Tønsberg og Sandefjord



Ministerialboka for Tønsberg syner at Ungk. og **Feiermester Mikkel Ingebretsen** gifta seg i Tønsberg [28. mars 1853](#)^[#7]. «*Han er født i Nordre Aurdal og opholder sig Tønsberg*». Det er notert «*han født 2/3-21*» og at «*Brudgommens Faders navn*» er *Engebret Nielsen Ranheim fra Ourdal*. Ministerialboka for Nord-Aurdal stadfestar fødselsdata – og syner at **Mikkel** vart døypt i [Skrautvål kyrkje 24/1-1821](#)^[#33] og konfirmert i [Ulnes kyrkje 11/10-1835](#)^[#7].

Brura til **Mikkel** var enkja **Anne Christine Tollefsd Bejer**. Ho er notert å vera født i *Brevig*, 36 1/4 aar gml, og far hennar heitte *Tollef Amundsen*. Ho hadde tidlegare vore gift ([21/12-1843](#)^[#18]) med enkjemann, *skorstensfeiermester Peder Christian Beier*, han døydde 71 år gamal, [18/3-1852](#)^[#13]. - Kanskje arva Mikkel òg feiustyret til feiarmeister Beier. - **Anne Christine** og **Mikkel** vert foreldre til sønene **Julius Marinus** f 15/6-, dpt Tønsberg [12/7-1853](#)^[#39], konf Vor Frelsers krk. [19/4-1868](#)^[#11] og **Ludvig Evgenius** f 16/9-, dpt Tønsberg [21/10-1855](#)^[#83], konf [Vor Frelsers krk.](#), Kraa. [24/4-1870](#) ^[#14]. Ved [FT1865](#) bur familien i Kammegaden 136c i Tønsberg. Her finn vi og dei to borna Anne Christine fekk i ekteskapet med Peder Chr. Beier; Petter Christian ([1848](#)) og Josephine Mathilde ([1849](#)).

I desember 1866 får feiermester **Mikkel Ingebretsen** og *hans hustru Anne Christine Tollefsdt* [attest til Christiania](#)^[#29&30]. [FT1875](#) syner at **Mikkel** og stedottera Josefine bur i [Skippergade 24](#). **Mikkel** er no *Feierinspektør*. Han vert enkjemann [13/8-1875](#)^[#54]. **Anne Christine** døydde av *Tuberculosis dzanko*. Ho vart gravlagd 18/8 s.å.

Så ser det ut til at *Feierinspektøren* atter har vore på [friarføter](#). Han giftar seg i [Grønland krk. 15/6-1877](#)^[#77] med enkja **Johanne Nikolaisdtr Rejn**. Ho var f 12/1- og dpt [28/1-1821](#)^[#7] i Ullensaker prgj. på Romerike. Foreldra hennar var [Nikolai Nilsson Ursin](#) og [Inger Maria Ellefsen](#). Ho var enkje etter feiarmeister [Samuel Fredrik August Rein](#), fødd i Preussen, så han **Mikkel** hadde vel vore i kontakt med denne familien gjennom yrket sitt. *Konen Johanne Ingebriquetsen* døydde av tæring i Akersgt 3 [21/12-1884](#)^[#79] og gravferd er frå Johannes krk. 27/12 s.å. - Ved [FT1885](#) finn vi *Feierinspektør Mickarl Ingebretsen* f 1821 i *Walders* busett i Akersgaden 3. Han bur saman med dotter til siste kona si, *Caren Christine Reyn*, f [1858](#) ^[#53] i Drøbak.

Enkemand, feierinspektør **Mikael Ingebretsen** var registrert med adresse [Ø Voldg 2](#) då han døydde – [12. november 1893](#)^[#76]. I feltet «*Opgiven Dødsarsag*» er notert [Enteritis ch](#). Han vart gravlagd 17/11 s.å. på Vor Frelsers gravlund.

Feierinspektøren hadde ein eldre bror, Nils Embrikson. Nils var f 14/8-, dpt i Skrautvål krk. [4/10-1812](#)^[H side,øvst]. Nils gifta seg [24/3-1839](#)^[#14] med Ingri Arnesdtr. Sonen **Engebret**(Embrik) vart fødd 19/7-, dpt [4/8-1839](#)^[#35] og konfirmert [8/6-1854](#)^[#10]. Nils Embrikson fekk skjøte på *Ranheim øvre, Søndre Maalet og Susbakkene* dagsett 8/11, [tinglese 3/12-1841](#). Såvidt eg skjønar var **Engebret** den eldste i barneflokk, og såleis odelsgut.

[6. januar 1859](#)^[#1] får **Engebret Nilsson** utflyttingsattest frå Nord-Aurdal prestegjeld med reisemål Tønsberg. Han har gjerne fått ei melding frå farbroren om at han kan finne arbeid i Vestfoldbyen. Ved [FT1865](#) er han *Feiersvend* og busett i Kammegaden hjå farbror *Mekal Ingebretsen* og familien hans.

Attåt å klatre opp på peispipe i Tønsberg har nok feiersvenden hatt tid til å stige i gradene, flytte seg mellom Vestfoldbyane – og å dra på friarferd. Han er skriven *feiermester* då han står brudgom i Sandefjord [19/8-1873](#)^[#19] ([Sandar #33](#)). Brura var **Andrine Jacobsdtr**. Ho var fødd på [Gjennestadeige 24/1-](#), dpt [13/7-1845](#)^[#61] i [Skee krk.](#), konfirmert [25/9-1859](#)^[#94]. Foreldra hennar er gardbrukar og skreddar [Jacob Larsen](#) og [Ingeborg Marie Engebretsdtr](#). Dei bur på [Grimstad](#) då **Andrine** vart konfirmert.

Tvillingborna **Ingeborg Marie** og **Jakob** vart fødte i Sandefjord på kvar si side av døgndelet. **Ingeborg** 5/8- og **Jakob** 6/8-1874. Båe vart døypte [25/10-1874](#)^[#71&72] i Sandefjord krk. Familien bur ved [FT1875](#)^[#10-13] i Bugaardsgade 139 i Sandefjord. Her bur dei framleis ved [FT1885](#)^[#017-020].

Jakob Nilsen vart konfirmert i Sandefjord [28/4-1889](#)^[#15]. Bustad er no skrive Langgaden. Eg har ikkje greidd å finne konfirmasjon for systera **Ingeborg**.

Langgade 192 er adressa for familien ved FT1891. ([Husliste](#) – Personsedlar: [10,11, 12, 13](#)). Her har sonen **Jakob** fått notert i rubrikk *Erhvervsgren: Sømand-Matros*. FT1900 syner bustadsadresse Løkkegade 175. dottera **Ingeborg** driv *Dame-skræddersøm*, medan **Jakob** er *Sømand* og *Feiersvend tillige om vinteren*. Ved [FT1910](#) bur pensjonert feiermester **Ingbret Nilsen** og kona **Anderine** i [Kongens gade](#) 32 i Sandefjord. **Ingeborg** er i [FT1910 syerske](#) og bur i [Dronningens gate 1](#) i Sandefjord.

Gift fhv. feiermester **Engebret Nilsen** døyddei Kamfjordgt 40 i Sandefjord [8/4-1916\[#15\]](#). Han vart gravlagd og jordfest 15/4 s.å. Enkja, **Andrine Nilsen**, døydde i Kamfjordgt 40 [30/6-1917\[#36\]](#), gravlagd 5/7 s.å.

Jakob Nilsen gifta seg i Sandefjord [30/10-1902\[#21\]](#). Brura var tenestejenta **Gurine Gabrielsen**. Ho var f 15/12-1880 på *Hitterøen*([Hidra](#)) i Vest-Agder og dpt [4/1-1881](#) [#4] i [Hidra krk](#). Ho vart konfirmert i [Methodistmenigheten](#) (*i Flekkefjord?*) 1896. Foreldra hennar var [Gabriel Steffensen](#) og [Jørgine Moe](#).

Gurine og **Jakob** vert foreldre til **John Anker** f 30/12-1904, dpt [5/5-1905\[#11\]](#), konf. Sandefjord [9/5-1920\[#12\]](#) og **Gunnar Ingebret** f 2/3-, dpt [21/4-1907\[#17\]](#), konf [8/5-1921\[#26\]](#). Ved [FT1910](#) budde familien i Prinsens gate 1 i Sandefjord.

John Anker gifta seg [21/6-1931\[#12\]](#) i Sandefjord med frisørdame **Hjørdis Amanda Evensen**, f 7/2-i Nybyen, Sandefjord, dpt [23/5-1904\[#24\]](#) og konfirmert [1/12-1918\[#30\]](#). Foreldra hennar var barber [Harald Konrad Evensen](#) og [Marie Helene f. Andersen](#).

DIS-gravminner syner at **John Anker Nilsen** vart gravlagd [24/7-1933](#) i Sandefjord.

Folketeljinga 1801 syner desse folk med tilknytning til feiervesenet:

FT	Bustad	Namn	Fødd år	
1801	Drøbak	Johan Andersen	1749	Skorstensfeier
1801	Kristiania	Søren Tagstad	1761	Fuldmektig
1801	Kristiania	Claus Berg	1749	Feier inspecteur
1801	Kongsberg	Gullik Knudsen	1769	Feier svend
1801	Skien	Carl Daniel Thomas	1749	Skorsteens feier
1801	Skien	Jaie Worcum Rode	1781	Feier dreng
1801	Tronhiem	Iwer Arendsen	1741	Skorstensfeier
1801	Tronhiem	Simon Arnsen	1773	Skorstensfeier

Nasjonallibroteket



Tal personar med «feier» i yrkesnemninga i FT1801, FT1865 og FT1910

Fylke	1801	1865	1910
Østfold	1	24	22
Akershus		16	22
Kristiania	2	22	56
Hedmark		20	45
Oppland		8	40
Buskerud	1	19	31
Vestfold		21	24
Telemark	2	9	26
Aust Agder		8	22
Vest Agder		7	15
Rogaland		6	26
Hordaland			11
Bergen		8	23
Sogn og Fjordane			3
Møre og Romsdal		8	18
Sør-Trøndelag	2	10	32
Nord-Trøndelag		6	21
Nordland			12
Troms		2	5
Finnmark			3
SUM	8	194	465





Kyrkjesongaren og organisten



Brørne frå Vølbu kom båe til Sandefjord og ein tredje bror var innom Sandefjord og gifta seg

«[Kulturminner](#)» (utgjeve av Sandar historielag hausten 1992) fortel at **Torger Windingstad** frå Øystre Slidre kom som kyrkjesongar til Sandar i året 1848. Kyrkjesongar og skulelærer er ein kjend kombinasjon, Torger fekk òg i oppgåve å læra opp nye lærarkrefter. - Han var fødd 10/3- , dpt [1/4-1821\[#27\]](#) i Slidre prgj. og konfirmert i Hegge kyrkje [24/6-1836\[#1\]](#). Han vart skriven *Ungkarl og Skolelærer* då han gifta seg i Nes prgj. på Romerike [6/4-1847\[#12\]](#) med **Marthe Marie Ellingsen**. Ho var konfirmert i Nes prgj. [30/9-1832\[#2\]](#) og foreldra hennar heitte Ole Ellingsen og Henrika Palmesdtr f. Smith.

I Sandefjord i vert **Torger** og **Marthe Marie** vert foreldre til dottera **Guri Henrikke** f 13/2, dpt i Sandar prgj. [22/7-1849\[#43\]](#), konf [2/10-1864\[#1\]](#) og sonen **Olaf** f 7/3-, dpt [16/9-1857\[#87\]](#), konf [1/10-1871\[#4\]](#). *Kulturminner*, [høsten 1998](#) fortel at «*klokker Torger Windingstad disponerte 13 oppsynsmenn*» i 1853 – i samband med førebuing for ein mogleg koleraepidemi i området. Han er også skrive om i Norsk Skoletidende 1879, s. 91. ([Lekkje](#))

Ved teljinga [1865](#) ([skanna skjema](#)) finn vi *Klokker og Skolelærer* **Torger Windingstad** og familien hans busett i [Skippergaden](#), matr. No 73 i *kjøbstaden* Sandefjord. No har **Torger** fått selskap av broren, **Tollef** (*Tølleiv*), han er *Assistent ved skolen*. Han var truleg bodsend av storebroren. - Ein annan bror, **Even** (Eivind) gifta seg i Sandar prgj. [26/7-1869\[#28\]](#). Han får sin eigen stubb under «*Den lengste gutten*». - Foreldra til dei tre brørne var Ola Olson ([1779-1851](#)) og Guri Olsdtr ([1796-1854](#)).

Skippergade 73 er også bustadadresse for familien ved [FT1875](#). **Guri** (skrive Gurine) **Henrikke** er no *Lærerinde ved en privat Pigeskole* medan **Olaf** er *studerende ved Polytechnikum i Zyrich*. - *Kirkesanger* **Torger Windingstad** døydde av *Nyre og Hjertesygdom* i Sandefjord [8/2-1879\[#4\]](#) og vart gravlagd 15/2 s.å. Ved [FT1885](#) finn vi framleis **Marthe Marie** og **Guri Henrikke** saman med ei tenestjente busette i *Skippergaden* 73. **Marthe Marie** døydde i *Skippergd.av Hjertesygdom og Vattersott* [9/7-1886\[#12\]](#) og vart gravlagd 14/7 s.å. DISgravminner har [bilete av gravsteinen](#). [Ei Ancestry-nettside](#) fortel om **Olaf** at han kom til USA i 1880 og arbeidde for ulike jarnvegselskap «*in California and in the East*».

Guri Henrikke finn vi som *lærerinne v Middelskole* i [FT1891](#), busett i Skippergade73. Ved [FT1900](#) er ho skriven *Lærerinde v middelskolen* med adresse [Bugaardsgade](#) 154 medan ho i [FT1910](#) bur på Christopher Hvidts plads 3 i Sandefjord. Ho nådde høg alder, DISgravminner syner at ho døydde [20/4-1951](#) og vart gravlagd ved Sandar krk. 21/7 s.å.

Då går vi over til organisten



Orgelet i Sandefjord krk. - frå nettsida <http://www.magnus-hagtvendt.com/sfj-k.htm>

Tollef (Torleiv/Tølleiv) var f 3/10-, dpt i [Volbu krk.](#) [23/10-1842\[#77\]](#) og konfirmert i [Rogne krk.](#) [16/5-1858\[#1\]](#). Han budde ved [FT1875](#) på [Hjertnæs](#) lno. 342L i [Sandeherred](#) sokn (Sandar) og er notert som *Logerende, Skolelærer og Organist*. Han gifta seg i Sandefjord [14/4-1883\[#10\]](#) med **Elise**

Kristoffersen, f 15/3-, dpt i Sandefjord [29/4-1866\[#87\]](#), konf [24/1-1881\[# 4\]](#). - Ho var dotter til matros Edvard Kristoffersen og Lovise f Møller.

Dottera **Godrun** kom til verda 13/1-, dpt i Sandefjord [15/3-1885\[#6\]](#) og konf [30/9-1900\[#4\]](#). Familien bur i *Nygaden* i Sandefjord ved [FT1885](#). Sonen **Ole Edvard** vart f 18/5-, dpt [18/6-1886\[#23\]](#), konf [30/9-1900\[#2\]](#). Så kjem dottera **Louise** f 16/2-, dpt [31/3-1889\[#10\]](#), konf [30/4-1905\[#1\]](#). **Thorleiv** vart f 22/5-, dpt [4/8-1891\[#27\]](#), konf [18/3-1906\[#32\]](#). Minstejenta, **Ingebjørg** vart f 12/1-, dpt [19/4-1897\[#8\]](#), konf [7/12-1913\[#3\]](#). Familien hadde adresse Nygade 106A^{II} ved [FT1891](#), Skippergaden 74 ved [FT1900](#) og Storgt. 12 ved [FT1910](#).

Frå «*Sandar: grend og gård*» [s 119](#) finn ein at **Th Windingstad** har skrive «*Nils Mikkelsen sine erindringer*», så han hadde nok også interesse for historie.

Organist og lærer **Thorleif Windingstad** er skriven med *bopæl* [Stokfletsgt 7](#) ved dødsfall (dødsårsak: [Bronkit](#)) [18/10-1924\[#31\]](#)., gravl. 23/10 s.å. Hjø DISgravminner finn vi bilete av [familiegravsteinen](#). Kona **Elise** har her [dødsår 1944](#).

DISgravminner syner at **Godrun** døydde i [1970](#), ho var gift med Karl Tobias Nedberg, f på [Daler i Nedre Eiker](#) 7/1-, dpt i Nedre Eiker krk. [10/2-1884\[#4\]](#), konfirmert i Porsgrunn [9/4-1899\[#8\]](#), død [1950](#). Han var busett i Porsgrunn ved teljing [1900](#) og [1910](#). Dei fekk sonen **Carl Trond Nedberg** f 1/121917, død [18/8-2004](#). Har er gravlagd i Narvik, der han var organist. Ein [Wikipediaartikkel](#) fortel at han var organist på Voss frå 1947 og i Narvik frå 1950-talet. Han held såleis fram med morfaren sitt yrkesval.

Louise døydde i [1928](#), ho var [provisor](#) og gift Westbye. Ho kviler på familiegravstaden i Sandefjord.

Ole Edvard hadde nok fått med seg musikk og orgelspel frå heimen. Han reiste til USA og var dirrigent, organist og komponist. Han døydde 3/6-1959 i New York og er gravlagd på Evergreen Cemetery i Brooklyn, New York. Norsk Biografisk leksikon har ein [lengre artikkel om han](#).

Torleiv Windingstad kviler i familiegrava i Sandefjord. Han døydde i 1974 og vart gravlagd 24/8 s.å.

Ingebjørg gifta seg i Sandefjord 30/11-1918 med Olaf Hanche-Olsen f 12/1-, dpt i Sandefjord [19/4-1897\[#8\]](#), konf [7/12-1913\[#3\]](#), son til *tegner* Oskar Morentius Olsen og Hansine Othilde Hanche. Bustad er Langgaden 14, Horten i [1900](#) og Müllers gate 2, Horten i [1910](#). **Olaf** er omtala i «[Hvem er Hvem](#)» 1948, side [198/199](#). **Ingebjørg** og **Olaf** vart foreldre til sønene **Sigurd** f i Horten 27/9-1921, dpt [15/1-1922\[#5\]](#), død [1934](#) og **Ola** f i Borre 13/1-, dpt Horten [25/4-1920\[#45\]](#), død 11/2-1998, gravl. [Haslum kirkegård](#).

Tremeningar – av «Kølabrennarslekt» - budde i Vestfold Tru om dei kjende til einannan ?

Anders vart namnet den vesle guten fekk, i Aurdal kyrkje, [16/10-1838](#)^[#77]. Han var son til Arne Anderson Søreiseige (1804-1838) og Marit Haldorsdtr (1807-) og var f 30. september. Foreldra til Arne Anderson var Anders Knutson og Ragnhild Jonsdtr. Ragnhild var dotter til «Kølabrennarn», Jon Levorson på Goplerud i Hedalen. **Anders Arneson** vart konfirmert i Aurdal [27/7-1850](#)^[#14]. Han fekk [1/7-1859](#)^[#35] utflyttingsattest med reisemål Norderhaug(Norderhov) på Ringerike.

Så treffer vi **Anders** (skriven Diserud) att, denne gongen i Ulvik prgj. i Hardanger. [3.dag jul 1864](#)^[#26] giftar han seg med **Pige Brita Knutsdotter** Holven. Ho var f 4/6-, dpt [6/6-1833](#)^[#32] og var dotter til Knut Knutson og Gjertrud Mikkelsdtr. Vi finn garden Hollve(n) /Rygh/ i Granvin.

Årsaka til at **Anders** er «flyttbar» kjem vel fram ved [FT1865](#). Han er «*Opsynsmand ved Veiarbeidet*» og familien losjerer no på garden Vestre Skougsfjord i Halsaa sokn i Mandal prgj. Sonen **Albert** vart fødd her 1/8- og dpt i Halse krk. [20/8-1865](#)^[#162]. Dei hadde flytta til hi sida av Mandalselva innan dottera **Johanne Marie** vart f 29/3- og dpt i Holum krk. [12/4-1868](#)^[#5] er faren skriven *Vejformand*. De kan lesa om «*Vestlandske hovedvei*» hjå [Wikipedia](#).

Familien var komne til Stubberød i Hedrum då dottera **Berte Karoline** vart fødd 16/11-. Ho vart døypt i Hedrum krk. 1.juledag – [25/12-1871](#)^[#97].

I mai 1870 gjev **Anders Arneson Diserud** *Obligation* til Borger Wilson. **Anders** får *skjøte på Joberg*, løpenr 393C i Sandherred(Sandar) frå Borger Wilson datert 14.-, tinglyst 21/6-1873. Panteboka fortel også om samferdslehistoria, *Jernbaneanlægger mellom Drammen og Skien eksproprierer fornøden grund* av Joberg 14/8-, tinglyst 9/10-1877. Gardhandelen på Joberg er også omtala i *Sandar: grend og gård 1850-1970*, [side 134](#). Vi finn familien på Jåberg lno. 393c ved [FT875](#).

Dei tre borna vert alle konfirmerte i Sandar. **Albert** [4/8-1880](#)^[#19], **Johanne Marie** [1/10-1882](#)^[#23] og **Berte Karoline** [3/10-1886](#)^[#15]. Teljinga 1891 syner at Anders, Brita og døtrene Johanne Marie(Skredder for egen regning) og Berte Karoline bur på Joberg (Husliste).

Johanne Marie døydde av tæring [26/12-1892](#)^[#1], gravlagd i Sandar prgj. 3/1-1893. - *Veiasistent A Diserud* har i [året 1900](#) (side74) gjeve ei gåve til *indskriftsarkivet* ved Universitet i Oslo.

Albert Diserud gifta seg [13/6-1896](#)^[#29]. Brura var fødd litt lengre vest i fylket, i Larvik. Ho heitte **Anna Karoline Johansdtr** og var f 3/5-, dpt i Larvik [23/7-1871](#)^[#45], konfirmert i [Tjølling 1885](#)^[#19]. [Teljing1875](#) syner at ho bur saman med foreldra, Johan Hansen frå Hedrum og Kirsten Kittelsdtr frå Lillesand – samt ein bror og to systre.

Berte Karoline fann seg ein styrmann, **Anders Kristian Kristensen**. Dei gifta seg i Sandar [2/8-1896](#)^[#25]. Foreldra til **Anders** var sømand Edvard Kristensen og Anne Marie Andersdtr. Guten var fødd i Sandefjord 6/11-, dpt [21/11-1869](#)^[#175] og konfirmert [20/4-1884](#)^[#29]. Ved konfirmasjonen er han skriven Skjellbred. Ved [teljing1900](#) finn vi **Anders** og **Brita** busette på Jåberg gnr 139/1 i Sandar medan **Anders Arneson Diserud** og **Brita Knutsdtr** [ved same teljing](#) er registrert på Jåberg gnr 139/3 saman med sonen **Albert** og svigerdotter **Anna** og borna deira **Anders-** og **Johan Diserud**

Anders var f 21/8-, dpt [19/9-1897](#)^[#65], konf [1/11-1911](#)^[#27] medan **Johan** var f 3/10-, dpt [20/11-1898](#)^[#75], konf [13/4-1913](#)^[#15]. Dei vart storebrør 21/5-1904, då kom storken med veslesystema som fekk namnet **Albertine Alvhilde** i Sandar krk. [27/6 s.å.](#) ^[#35] Ho vart konfirmert [3/11-1918](#)^[#34] .

Gaardmandskone **Brita Knutsdotter** døydde på Jåberg [13/4-1904](#)^[#12] av hjertefeil. Ho vart lagt til kvile ved Sandar krk. 2/5 s.å. Etter å ha vore enkjemann i fire år, giftar **Anders A Diserud** seg i Larvik [27/9-1908](#)^[#38] med med enkja **Hilda Kathinka Hammer** f Meyer. Ho var dotter til buntmakar Ferdinand Meyer og Johanna Sophia Nielsen og f 17/4-, dpt Larvik [29/5-1859](#)^[#99].

Berte Karoline døydde [18/5-1909](#)^[#0] på Søndre Sand i Stokke gravl. Sandar krk. 24/5 s.å. Frå [FT1910](#) finn vi at **Anders A Diserud** og **Hilda Kathinka** budde i Sverresgt. 10 i Larvik medan **Albert** og familien hans i [1910](#) bur på Jåberg.

Opsynsmand ved Veisesenet, **Anders A Diserud** døydde i Larvik [26/5-1913](#)^[#21] og vart gravlagd i Sandar 31/5 s.å. - Frå DISgravminner finn vi at **Albert Diserud** døydde [17/3-1858](#), kona, **Anna Karoline** døydde [21/2-1936](#).

Johan Diserud gifta seg [2/4-1918](#)^[#11] med **Jenny Kristine Johannesen**. Ho var f 24/7, dpt [26/8-1900](#)^[#46], konf 1915. **Johan** tok over Jåberg i 1936. **Johan** døydde 13/1-1994 medan, **Jenny Kristine** døydde [29/1-1963](#). Dei var foreldre til fire born.

Skræddermester og Kjøbmand i Risør Kjøbmand og Proprietær i Sem

Levor heitte han, og om han log eller gret då han vart fødd kjenner korkje eg eller [Bjørnstjerne](#) noko til. Ministerialboka for Ourdahls prgj. syner at han vart døypt i [Hedalen krk. 22/6-1806](#)^[H side, 6.ovanfrå] og konfirmert i Hedalen [30/9-1821](#)^[#30]. Foreldra hans var [Kristen Haraldson Stugarden](#) og [Marit Jonsdtr.](#) Ho Marit var dotter til «Kølabrennarn», så det er borna til henne og **Levor** som vert tremenningar med [Anders Arneson Diserud](#) frå førre stubb. [Tabell om mannsnamnet Levor her.](#)

Levor har nok teke med seg nål og tråd, og sett nasen sørover. Neste gong vi treffer han vert i [Risør. 25/9-1831](#)^[#5] giftar *skræddermæst* **Levor Christensen** (24aar) seg med **Ane Marie Jahnsen** (28aar). Det ser ut til at paret har fått *bevilling af 2dn Septbr* til å bli vigde *hiemme*. **Ane Marie** var konfirmert i Risør [12/4-1818](#)^[#7]. Far hennar var [Uhrmager A Jahnsen](#). Her er notert at ho er fødd *11. Mart 1803*.

Om lag tre veker etter giftarmålet, 19/10-, kjem det tvillingar til verda. Dei får i [Risør krk. 3/11-1831](#) namna **Anders** ^A^[#34] og **Christen** ^B^[#35]. **Christen** dør berre vel 3 år gml., [5/3-1835](#)^[#6] og vert gravl. 10/3 s.å. **Anders** vart konfirmert i Risør 30/9-1846 [#]. **Inger Birgitte** ^C vert f 25/2-, dpt [11/3-1834](#)^[#11], død av [skarlagensfeber 16/4-1834](#)^[#13], gravl Risør 21/4 s.å. Ei ny **Inger Birgitte** ^D vert f 25/4-, dpt [24/9-1835](#)^[#33], konf Risør [7/4-1850](#)^[#2]. Så kjem **Christine Marie** ^E f 14/9-, dpt [14/10-1836](#)^[#24], død [15/12-1839](#)^[#51], gravl 21/12s.å. **Hans Brodal** ^F dpt [27/8-1839](#)^[#46], konf [29/4-1854](#)^[#2], død [26/12-1878](#)^[#86], gravl 3/1-1879. **Christen** ^G f 19/8-, dpt [24/9-1841](#)^[#45], konf. i Sem [7/9-1856](#)^[#1]. **Laurits Martin** ^H f 1/7-, dpt [10/8-1843](#)^[#26], konf Sem [3/10-1858](#)^[#1]. Siste «*høne i korga*» vert **Karen Marie** ^I f 28/1-, dpt [13/3-1846](#)^[#12], konf [Slagen krk. 6/10-1861](#)^[#31]. Alle borna er fødte i Risør prgj.

[Gardshistoria for Sem og Slagen](#) fortel at **Levor Christensen**, *skibsreder i Tønsberg* kjøpte garden Nordre Rakkås (Bruk 1 B) lno. 170a i Sem tinglag i 1853. [Grunnboka](#) syner at L Christensen fekk skjøte frå *P Collins eneste arving, Enkefru Elisabeth Schavenius, født Collin. Thl 13/6-1855*. Ser vi på konfirmasjonane til borna ser det ut til at familien flytta frå Risør mellom 1854 og 1856.

[FT1865](#) for [Rakaas nordre](#) i Jareteigen teljekrins i Sem prgj. syner at **Anne Marie**, **Levor** og borna **Christen** ^B og **Karen Marie** ^K er registrert her. Familien har henta tenestjente frå Hedalen, **Olava Kristensdtr.**, ho er truleg dotter til Christen Christenson Jørenby og Kari Olsdtr f 16/9- og dpt Olaug [13/10-1869](#)^[#62] i Sør Aurdal – ho vert såleis broddotter til **Levor**. *Gard og Bygd i Sør-Aurdal* fortel at ho reiste til Amerika i 1867, hjå [Norway Heritage](#) finn vi **Olava Joranby** som passasjer på skipet *Olaf* frå Kristiania 15/6- til Quebec 26/5-1867.

Anne Marie Christensen døydde på Rakkås [7/2-1874](#)^[u.nr.] og vart gravlagd ved Tønsberg krk 17/2 s.å. Ti månader seinare tek **Levor Christensen** siste andedrag, på [Rakkås 2/11-1874](#)^[u.nr.], han vart lagt til kvile i lag med kona – ved Tønsberg krk 12/11 s.å. Arvingane etter **Anne Marie** og **Levor** selde Nordre Rakkås [ved auksjon i 1879](#).

Anders ^A hadde nok vore på friarføter innan flyttinga til Vestfold kom på tale. Han gifta seg i Østerrisør [19/4-1857](#)^[#12] med **Petronelle Catharine Thuesen**, f 27/1-, dpt [19/3-1837](#)^[#80] i [Vor Frelsers krk.](#), Kristiania. Foreldra hennar var *snedkersvend* [Jens Bertelsen Thuesen](#) og hustru [Anne Dorthea Andersdatter](#) i *Pipervigen*. **Petronelle** og **Anders** ^A får to born i Risør: **Lauritz Anton** ^{A1} f 27/1-, dpt [12/6-1858](#)^[#44] og **Anne Marie** ^{A2} f 9/6-, dpt [15/2-1860](#)^[#24]. [November måned 1861](#)^[#3-6] er familien registrert innflytta til Tønsberg – *hidflyttet fra Risør*. I Tønsberg får dei to born til: **Dorette Christiane** ^{A3} f 20/9-1861, dpt [10/8-1862](#)^[#72] og **Jens** ^{A4} f 14/10-, dpt [20/11-1864](#)^[#137]. [FT1865](#) syner at familien no bur i Store Langgade 89a i Tønsberg kjøpstad. Men så går det bortimot slik med meg som det gjekk med sauegjætaren [Aasmund](#): «*Eg gjætte burt både lamb og faar*». Men eg fann at **Anne Marie** ^{A2} gifta seg i Risør [9/6-1879](#)^[#8] med kjøbmand **Nils Christian Evensen**. Han var son til [Even Nielsen](#) og [Ingeborg Kristoffersdtr](#) og f på *Egenes*, Nøtterøy 29/7-, dpt [Nøtterøy 10/8-1847](#)^[#45], konf [21/3-1862](#)^[#4].

Håkon Christensen var f 5/2- på [Rygg](#) i Nedre Eiker (Mjøndalen) og dpt [27/1-1831](#)^[#52]. Foreldra hans var gardbr. [Christen Herlovsen](#) og [Mari Haagensdtr.](#) **Håkon** gifta seg i Slagen krk. [15/6-1862](#)^[#14] med **Inger Birgitte** ^D Christensen. **Håkon** er då skriven *kjøbmand, af Tønsberg*. Dei får borna **Carl Ludvig** ^{D1} f 6/7-, dpt Tønsberg [2/8-1863](#)^[#84], konf [6/10-1878](#)^[#8], død [13/9-1905](#)^[#49], gravlagd 19/9 s.å(DIS). **Agnes Marie** ^{D2} f 21/5-, dpt [25/6-1865](#)^[#74], konf [3/10-1880](#)^[#7]. [FT1865](#) syner familien busett i Nedre Langgade 141 i Tønsberg kjøpstad. **Olaf** ^{D3} vart f 11/3-, dpt [21/4-1867](#)^[#36], konf [16/4-1882](#)^[#2]. **Håkon** ^{D4} f 10/1-, dpt [7/2-1869](#)^[#21], konf [30/9-1883](#)^[#3]. **Peder Aasen** ^{D5} f 4/9-, dpt [12/10-1873](#)^[#108]. Nedre Langgt 27 i Tønsberg er bustad for familien ved [FT1875](#). **Birger Hans Brodahl** ^{D6}, som fekk med namnet til den avdøde morbroren, vart f 20/3-, dpt [21/4/1880](#)^[#27], konf [1/4-1894](#)^[#4]. [FT1885](#) syner at

foreldra og borna **Agnes** ^{D2} og **Birger** ^{D6} er registrert i Nedre Langgade 26 saman med to tenestjenter og ein handelsbetjent medan **Carl** ^{D1}, **Olaf** ^{D3}, **Håkon** ^{D4} og **Peder** ^{D5} i same teljing er registrerte i Nedre Langgade 26.

Håkon Christensen døydd av *Lungebetændelse* 16/1-1890[#7], gravl. Tønsberg 22/1 s.å. (DIS). Ved FT1891 bur **Inger Birgitte** ^D i Nedre Langgade 26, ho er då «*Rentenistinde*». FT1900 plasserer henne i Nedre Langgade 27 saman med sønene **Carl Ludvig** ^{D1} (*Kjøbmand*) og **Birger Hans Brodahl** ^{D6}, «*Premierløjtnant i armeen*». **Carl Ludvig** ^{D1} (*Kjøbmand, ugift*) døydd av septhami 13/9-1905[#49]. Han vart gravlagd i Tønsberg 19/9 s.å. (DIS). FT1910 syner at **Inger Birgitte** ^D no bur i Nedre Langgate 33, saman med *kontordame* **Marie Holmsen**, men ingen av borna er registrert på denne adressa. **Inger Birgitte** ^D døydd 22/1-1913[#8] og vart gravlagd i Tønsberg 28/1 s.å. - Dødsårsak: *chr enterit part cordis*.

Ungkarl og Skibsfører **Christen** ^H **Christensen** gifta seg i Tønsberg 20/12-1868[#33] med **Jensine Anette Tollefsen**, dotter til *skibsfører* **Andreas Tollefsen** og **Susanne Bollelsen**. **Jensine Anette** var f på *Høifødt* i Slagen (kart) 27/3-, dpt i Sem prgj. 8/8-1841[#60], konf 11/8-1857[#2]. Ho er ved FT1865 registrert med bustad i Toldbodgaden 47b i Tønsberg kjøpstad- saman med foreldra, 2 brør og ei syster. **Christen** ^H og **Jensine Anette** vert foreldre til: **Ludvig Andreas** ^{H1} f 26/9-, dpt 13/10-1869[#117], konf 5/10-1884[#1]. **Anna** ^{H2} f 10/9-, dpt 29/9-1871[#92], konf 17/4-1887[#10]. **Kristen Stugard** (legg merke til at han har fått med gardsnamnet frå Hedalen) ^{H3} f 4/10-, dpt 30/10-1873[#121], konf 8/4-1888[#9]. **Ragnhild Susanne** ^{H4} f 27/8-, dpt 26/9-1875[#126], konf 28/4-1892[#4]. - Familien bur ved FT1875 i *Forstadens Hovedgade* 291 i Tønsberg kjøpstad – og familiefaren er både *Skibsfører* og *Skibсреder*. Sø kjem sønene **Sigurd** ^{H5} f 20/8-1877, dpt 27/1-1878[#116], konf 2/10-1892[#1] og **Ole** ^{H6} f 20/9-, dpt 9/11-1882[#77], konf 17/4-1898[#3]. FT1885 syner at familien då bur i *Anders Madsens gade* i Tønsberg – og **Ludvig Andreas** ^{H1} no er handelsbetjent. Yngst i barneflokket vert **Finn** ^{H7} f 24/8-, dpt 7/10-1887[#76], konf 4/10-1903[#2]. **Christen** ^H **Christensen** døydd då barken «*Akershus*» forliste ved Lindesnes (*Ullero*) 31/12-1899[#0]. Ved FT1900 finn vi **Jensine Anette** og borna, bortsett frå **Sigurd** ^{H5}, busette i Øvre Langgd. 111 i Tønsberg kjøpstad. To år seinare, FT1910, bur dei i Øvre Langgate 26. **Jensine Anette** dør 28/1-1911[#2] og vert gravl. 4/2-s.å., då skriven *Skibsførers enke* – og dødsårsak «*Apopl.ceribr*».

Laurits Martin ^J gjekk inn i ekteskap 29/11-1876[#33]. Giftarmålet var i *Sem prgj*, der brura, **Christiane Sofie** høyrde til. Ho var f 3/9-, dpt 25/12-1855[#122], dotter til gbr **Fredrik Kristian Emil Holstad** og **Mathea Olsen**, bår frå Follo. Familien hennar er registrert på Brekke vestre lno 137 i Sem ved FT1865.

Christiane Sofie og **Laurits Martin** ^J får desse borna, alle døypte i Tønsberg: **Magdalene Sofie** ^{J1} f 26/1-, dpt 13/3-1878[#29]. **Fredrik Holstad Brodal** ^{J2} f 28/6-, dpt 24/7-1879[#84], konf 1/4-1894[#10]. **Anne Louise** ^{J3} f 7/6-, dpt 14/7-1881[#69], konf 3/10-1897[#9]. **Laurits Søren Horster** ^{J4} f 18/11-, dpt 26/12-1882[#1], konf 9/4-1899 [#91], død av tuberkulose 11/7-1909[#46], gravl. Tønsberg 17/4-s.å. **Rolf** ^{J5} f 11/1-, dpt 11/2-1885[#10], konf 14/4-1901[#3]. Familien bur ved FT1885 i Store Langgade 102. **Gjertrud** ^{J6} f 7/11-, dpt 26/12-1887[#96]. Til sist kjem nok ein **Hans Brodahl** ^{J7} f 23/6-, dpt 4/9-1890[#48], konf 1/10-1905[#6]. Ved FT1900 er adressa Øvre Langgade 40 a/b i Tønsberg kjøpstad. No er berre dei fire yngste borna heime. **Teljinga 1910** syner at **Magdalene Sofie** ^{J1}, **Fredrik Holstad** ^{J2}, **Rolf** ^{J5} og **Hans Brodahl** ^{J7} er registrert i Storgate 6.

Anne Marie ^{A2} og *kjøbmand* **Nils Christian Evensen** vart foreldre til desse borna, alle døypte og konfirmerte i Tønsberg: **Agnes Katrine** ^{A21} f 15/4-, dpt 19/5-1880[#27], konf 18/4-1896[#9]. **Eyvin** ^{A22} f 1/12-, dpt 28/12-1881[#159], konf 4/10-1896[#2]. **Ivar** ^{A23} f 9/7-, dpt 22/8-1883[#62], konf 2/10-1898[#5]. **Marie Dortha** ^{A24} f 21/3-, dpt 3/5-1885[#36], konf 14/4-1901[#6]. **Nils Kristian** ^{A25} f 21/1-, dpt 21/2-1887[#16], konf 5/10-1902[#5]. **Anders** ^{A26} f 3/9-, dpt 30/12-1888 [#65], konf 4/10-1903[#6]. Til sist kom **Ingeborg** ^{A27} f 2/11-1881, dpt 11/5-1892[#36], konf 26/4-1908[#5].

Familien bur i Nedre Langgade 10 ved FT1885. **Nils Christian Evensen** døydd 27/11-1891[#62] og vart gravlagd i Tønsberg 3/12 s.å. - FT1891 (Husliste) plasserer også no bustadsadressa i Nedre Langgade 10. Personsedlar: *f.o.m* – *t.o.m*. I husstanden finn vi elles fire *betjentar*, *kokkepige*, *barnepike*, *volontør* samt svigermor, enke **Katrine Petronelle Christensen** f 1837 i Kristiania.

FT1900 plasserer **Anne Marie** ^{A2}, svigermora og dei fem yngste borna i Nedre Langgd 10. Ser vi litt nærare på siste namnet i lista, *Ferner Jacobsen* f 1885 på Nøtterøy, vil vel mange assosiere namnet med ein forretning i Stortingsgata i hovedstaden. FT1910 fortel at **Anne Marie** ^{A2}, svigermora og dottera **Marie Dortha** ^{A24} som no er *Telegrafistinde*, bur i Nedre Langgade 24. I same teljing finn vi **Ivar** ^{A23} i Bergen, han er no *premierløytnant* i marinen. **Anders** ^{A26} er *kontormand* og bur i **Parkveien 25** i Kristiania medan **Ingeborg** ^{A27} er midlertidig busett i Elisenbergvn. 10 i Kristiania.

Birger Hans B C Rygh ^{D6} finn vi hjå DISgravminner med [bilete av gravsteinen](#). Han døydde 5/4-1961 og vart gravlagd på Eiganes gravplass i Stavanger 2/3 s.å. Under same gravstein kviler **Marie** (Maisen) **Rygh**. Dette er nok ho som budde hjå **Inger Birgitte** Christensen ^D ved [FT1910](#). Marie var f 3/9-1885 og dpt [8/11 s.å.\[#167\]](#) i [Bragernes kyrkje](#). Hennar foreldre var *marinelæge* Cato Andreas Christian Holmsen og Susanna Christense Pram Kaurin. Ved [FT1885](#) er dei registrerte i Mellem Bragernes 17 156 og ved [FT1900](#) i Øvre Storgade 17 i Bragernes. Gravsteinen syner truleg og to av døtrene til **Birger Hans** ^{D6} og **Marie: Marie (Mie) Holmsen Rygh** (21/7-1912 – 27/11-1969) og **Inger Susanne Rygh** (18/6-1915 – 14/12-2011). Ein [Geniprofil](#) syner familien – med mykje etterslekt.

Ludvig Andreas Christensen ^{III} gifta seg i [Gamle Aker krk. 14/3-1908\[#21\]](#) med enka **Magdalene Hvistendahl**. Ho var dotter til handelsagent Waldemar Hvistendal og kona Gjertrud Magdalene - og f 11/4- i Kirkeveien 31 i Kristiania, dpt i Gamle Aker [15/5-1870\[#118\]](#). Dei budde ved [FT1875](#) i Kirkeveien 35 i Kristiania. Slektsnamnet får meg til å kjenne insektlyd og lukt av [myggolje](#). [FT1885](#) plasserer familien i Akersbakken 35. **Magdalena** hadde, som [FT1900](#) syner, tidlegare vore gift med *Dampskibsreder og Disponent* Hjalmar Christian Røed i Tønsberg. Dei hadde døtrene Mathilde og Gjertrud Magdalena. Dei to jentene bur saman med mora og stefaren ved [FT1910](#) i Storgate 10 i Tønsberg. - **Ludvig Andreas** ^{III} døydde i [1925](#) og vart gravlagd på Tønsberg gamle kyrkjegard 10/9 s.å.

DISgravminner fortel at **Anna Christensen** ^{II} døydde [6/12-1946](#). Her må vera noko gale med noteringa, gravferdsdato er notert til 13/5-1946. **Kristen Stugard** ^{III} er notert død i 1951, gravlagd 18/7-1951 på Tønsberg gamle kyrkjegard. **Finn Christensen** ^{II} døydde 1960 og vart gravlagd [28/12-1960](#). I same grav kviler **Astri Regine Christensen** f 5/10-, dpt Tønsberg [23/11-1902\[#115\]](#), død 1895, gravl. [4/10-1985](#). Ho vat dotter til *Kasserer ved assuranceselskab* Christian Christiansen og Laura Marie Tillisch f. With. Denne familien er ved [FT1910](#) busette i Storgate 17 i Tønsberg kjøpstad.

Hans Brodahl ^{II} finn vi hjå DISgravminner med dødsår [1982](#). Han er gravlagd på Søndre Slagen kyrkjegard 8/9-1982.

Om nokon av desse familiane nokon gong var i kontakt med Diserudfolka i Sandar seier dei opplysningane eg har funne fram ikkje noko om. Vonleg er dei tekne med i «[The charcoal burner's legacy](#)» - *a Goplerud family history*. Både namna *Lundo* og *Stugaarden* skal vera nemnde der. FamilySearch nemner [fleire kjelder](#) som har med Levor Christensen (Stugaarden).



Her er utsikta frå tunet i søre Stugarden med skyldfolk frå Colorado og Hedalen – Bilete: OHF 23/7-2015



Hedølen var hjulmakar i Tønsberg, seinare økonomistyrar på «Fattighuset» i same by



I førre stubb var vi innom i [Stugarden](#) i Hedalen. **Olia Haraldsdotter**, mor til hjulmakaren vi no skal sjå nærane på var fødd i Stugarden i 1767. Ho var syster til Kristen Haraldson og såleis farsyter til «kjøbmand og proprietair», Levor Kristenson .

Olia Haraldsdotter vart gift i [Hedalen 8. juli 1799](#)^[Hside,3.ovanfrå] m ungkar **Hans Anderson** frå [Åsli](#). Ektefolka finn vi ved [FT1801](#)^[#001&002] på [Nordby](#) i Hedalen saman med dottera Astri.

Harald Hansson, han vi skal slå lag med vidare i stubben, var fødd på Nordby, døypt i Hedalen krk. [22/7-1806](#)^[Hside,4.nedanfrå]. Han var konfirmert i Hedalen [30/9-1821](#)^[#32]. Ministerialbok nr.2 for Sør-Aurdal syner at **Harald Hansen Aaslie Nordby**, 19 år gml. fekk utflyttingsmelding med reisemål Christiania – der skulle han vera «[Juulmagerdreng](#)».

Harald har yrkesnemning «Hjulmager» då han melder [innflytting til Tønsberg i 1832](#)^[#5]. Det er skrivne at han er født i *Ourdals præstegjeld* og kom «*fra Laurvig for 1 Aar siden*». Alder er skrivne 26 aar, og han kjem «*for at nedsætte sig som hjulmager*». Han her synt fram attest «*af 28 Maj 1831 fra Pastor Teilmann*», som var [sokneprest i Larvik](#) i tida 1821-1833.

[24/11-1829](#)^[#5] har ei 30 år gamal jente «*fra Froens præstegjeld i Gudbrandsdalen*» meldt innflytting til Tønsberg «*for at tage Tjeneste hos sin Broder som er farvermester her paa Stedet.*» - Jenta var «Pigen **Gunild Olsdtr Clomstadøen**», ho hadde med attest «*af 24 November 1829 fra pastor Schnitler*». **Gunild** var døypt i Fron prgj [8/4-1810](#)^[Vside,6.ovanfrå] og konfirmert i [Kvam kyrkje 18/7-1824](#)^[#13]. Foreldra hennar var [Ola Erikson](#) (Øyen under nedre [Klomstad](#)) og [Mari Olsdtr.](#) - Ei nettside om «[Kvamshumoren](#)» [finn de her](#).

Gunhild og **Harald** gifta seg [12/6-1832](#)^[#7]. Forlovarane var styrmann *Jens Stangebye* og fargarmeister *Erik Olsen* (bror til Gunhild). -

Innan 22 år i ekteskap hadde **Gunhild** og **Harald** vorte foreldre til åtte born: **Oline Marie** ^A f 8/6-, dpt [14/7-1833](#)^[#41], konfirmert [30/4-1848](#)^[#18]. **Hanna Olava** ^B f 7/11-, dpt [20/12-1835](#)^[#4], konf [7/4-1850](#)^[#27]. **Hans Edvard** ^C f 18/2-, dpt [30/12-1838](#)^[#2], død [30/10-1840](#)^[#41], gravl 5/11 s.å. **Karen Mathilde Golette** ^D f 18/7-, dpt [16/8-1840](#)^[#36], konf [8/10-1854](#)^[#13]. **Hans Edvard** ^E f 11/4-, dpt [8/5-1842](#)^[#23], konf [5/10-1856](#)^[#2]. **Anton** ^H f 4/12-1844, dpt [12/1-1845](#)^[#1], konf [17/4-1859](#)^[#3]. **Gunhilla Haralda** ^J f 1/8-, dpt [29/8-1847](#)^[#41], konf [5/10-1862](#)^[#10]. **Anna Otilie** ^K f 5/6-, dpt [24/4-1851](#)^[#46], konf [28/4-1867](#)^[#19].

Fødselsnummer.	Personenes Navne (Fornavn og Bivnavn).	Svab Endes er i Familien, somføi Endelader, Hone, Son, Datter, Besønder, Tjenestgjænde eller Pænsende, samt Endes Stand eller Røstingsbeti.	Ugift, Gift, Enke eller Fraktilt (som Landemne anføer Fraktilt med Gentjen til Hord og Eengl.)	Alder, set levende Alder, aar ideregnet.		Bodelst, nemlig Bodelstend eller Bodelstend og i Bodelstend: Forbodelstend eller Bodelstend. Bodelstend Bogen er sat i Bodelstend, antered Bodelstend.
				År.	Måneder.	
1	Harald Hansen	Kjøbmand	Gift	60		Linda Pindal
2	Gunild Hansen	Hone	Gift	57	57	Fron Præstegjeld
3	Oline Marie Hansen	Datter	Gift	33	33	Tønsberg
4	Hanna Olava Hansen	Datter Landskreddersom	Gift	31		Tønsberg
5	Gunhilla Haralda Hansen	Datter Skolelærerinde	Gift	19		Tønsberg
6	Anna Otilie Hansen	Datter	Gift	15		Tønsberg
7	Mathilde Andersdatter	Tjenestgjænde	Gift	28		Varrege

Teljingskjema 1865 – Tønsberg prestegjeld, Matr. 197 paa øvre Langgade

[Øvre Langgade](#) 197 i Tønsberg er bustadsadresse ved [FT1865](#). **Harald Hansen** er no skrivne «[Handelsborger](#)». Døtrene **Oline Marie** ^A, *dameskredder* **Hanna Olava** ^B, *skolelærerinde* **Gunhilla Haralda** ^J og **Anna Otilie** ^K er registrert saman med foreldra. - **Anton** ^H er *handelsbetjent*, busett i [Kirkegaden 36](#) i Kristiania medan **Hans Edvard** ^E er studerende, *busett på Nytorvet 3* i Kristiania.

«*Økonom paa Fattighuset, Harald Hansen, 63 1/2 aar*» døydde [25/9-1869](#)^[#68] og vart gravlagd i Tønsberg 29/9 s.å.

Det synest som om **Anton** ^H er den einaste av familien vi finn ved [FT1875](#). Han er no gift med **Nicoline Christine Sigvaldsen**. Ho var f 31/12-1842, døypt [9/4-1843](#)^[#14] og konfirmert [4/10-1857](#)^[#6] i [Garnisonskrk.](#), Kristiania. Foreldra hennar var overjæger [Christian Sigvaldsen](#) og [Anne Marie Kristensdtr](#), dpt [26/12-1812](#) i [Norderhov krk.](#)

Nicoline Christine og **Anton** ^H ser ut til å vera opphav til desse borna: **Arthur Nikolai** ^{HI} f [Aagebergvn.](#) 68C 11/1-, dpt [Trefoldigh. krk.](#) [5/8-1866](#)^[#176], konf [Grønland krk.](#) [3/10-1880](#)^[#8]. **Dagmar Gunhilde Haralda** ^{H2} f [Møllergade](#) 11/6-, dpt [13/9-1868](#)^[#200], konf [1/4-1883](#)^[#27]. **Harald** ^{H3} f [øvre Slotsgd 2](#) 18/12-1870, dpt [10/4-1871](#)^[#67], konf [12/4-1885](#)^[#11]. **Kristian Sigvald** ^{H4} f [Grensen 19](#) 11/6-, dpt [6/7-1873](#)^[#175], konf [2/10-1887](#)^[#39]. **Borgny Marie** ^{H5} f Torvgade 18/11-1875, dpt [vor Frelses krk.](#) [16/1-1876](#)^[#3], konf [13/4-1890](#)^[#42]. **Anton Einar** ^{H6} f 25/3-, dpt [30/5-1878](#)^[# 112]. **Hans Edvard** ^{H7} f [Lakkegt 28 30/5-](#), dpt Grønland krk. [22/5-1881](#)^[#116]. **Olaf Trygve** ^{H8} f [Urtegate 43](#) 13/2-, dpt [8/6-1884](#)^[#108].

Det ser ut til at familien har flytta mykje rundt i hovudstaden – Ved [FT1875](#) bur dei i [Torvgade 5a](#), medan dei i [FT1885](#) har adresse [Motzfeldtgate 18](#). Alle borna eg har notert konfirmert – dei er funne i Grønland kyrkjjesokn.

Borgny Marie ^{H5} vart gift med **Nils Johannes Kolstø** frå Haugesund. Han var son til handelsmann [Østen Olsen Kolstø](#) og [Ingeborg Nilsdtr](#) – og f 22/9-, dpt [17/10-1869](#)^[#159] i Skåre sokn i Torvestad prgj., konfirmert [12/10-1884](#)^[#2]. Han er registrert i [Langgade øvre](#) ved [FT1875](#) og i [FT1885](#) er han skriven «[Middelskoleelev](#)» med bustad i Kaigaden 1 i Haugesund.

Ved [FT1900](#) bur **Borgny Marie** ^{H5} og *fullmektig ved tollkontor* **Nils Kolstø** i [Odins Gade 9](#)(Frogner), i [1910](#) er adressa [Tomas Heftyegate 39](#). Dei tre yngste sønene er registrert fødde på [Ljan](#) – så familien har nok flytta fleire gonger. Ein [GENIprofil](#) har teke med *Kolstøside* av familien med etterslekt.

DIS-gravminner har registrert sonen [Arne Kolstø 23/7-1905](#) – 25/6-1987.

Systrene **Gunhilla Haralda** ^J og **Anna Otilie** ^K er ved [FT1900](#) og [FT1910](#) registrerte i [Sofies gate](#) 11 i Kristiania. Dei har baa «lærarpensjonar». **Gunhilla Haralda** ^J var ved [FT1891](#) huslærer på Andebu prestegard – for borna til bror hennar, soknepresten **Hans Edvard** ^EHansen.

Hans Edvard ^E finn vi ved [FT1875](#) ^[#028,029] i [Torvgade 28](#) i Kristiania. Han er prest, gift med **Tora Aas** f 24/6-, dpt i [Heddal stavkyrkje](#) [12/11-1837](#)^[#86]. Ho er syster til [Emil Aas](#) som ved [FT1865](#) var cand Theol og budde på same adresse som **Hans Edvard**. - Foreldra til Tora og Emil var [lensmann Ola Aas](#) og kona [Karen Nicoline Halling](#).

«*Norges Geistlighed*» publ. 1906 ([permalenke](#)) syner øvst på [side 23](#) historikk for yrkeskarriera til Hans Edvard. Nettsida «[Prester i Andebu](#)» har ei fin skildring av sokneprest Hansen. Prestefamilien er registrert på Andebu prestegard ved [FT1891](#). (Husliste - Personsedlar: [f.o.m.](#) - [t.o.m.](#)) - [Løkkegate 10a i Moss](#) er bustad for prostefamilien både i [FT1900](#) og [FT1910](#).

Dottera **Karen Nikoline** ^{E1} gift **Gløersen** - *forfattar* (31/3-1871 – [18/5-1958](#)) er presentert i «[Hvem er Hvem](#)» [1948](#). Veslesystera **Thora** ^{E3} finn vi hjå DISgravminner –gravl. [28/2-1957](#) på Vestre Gravlund. På same gravnummer finn vi ektemannen, [Johan Martin Wisløff](#) (30/3-1873 – 21/12-1944).



Kyrkjesongar og lærar i Kodal sokn, Andebu prestegjeld

Vangsgjeldingen fekk også fatt i både gard og kjeriing

Panteregeister nr III for Andebu, [side 403](#), syner at **Ole Ellingbø** 18/5-1881 fekk skjøte på garden [Stii Kodal](#). Skjøta vart tinglyst 28/5-1881 og seljaren heitte *Iver Ingebrigtsen*.

Ola var fødd på Ellingbø 3/1-, dpt i Vang kyrkje [30/3-1842\[#13\]](#) og konfirmert [28/6-1857\[#5\]](#). Han var son til gardbrukar [Ola Eivindson](#) Ellingbø og kona [Maren Vilhelmsdotter](#). [FT1865](#) syner **Ola** busett på [Ellingbø søndre](#) lno. 22 i Vang hovudsokn ([gnr 34/2 frå 1886](#)).

Han **Ola Ellingbø** lyt vera komen til Andebu i 1879 eller nokre år tidlegare. Han står brudgom i [Kodal krk.](#) [11/3-1879\[#1\]](#). Jenta som sa ja – ho heitte **Inger Marie**, dotter til gardbrukar [Peder Sørensen](#) og [Anne Marie Olsdr.](#) **Inger Marie** fødd på [Trevland](#) i Kodal 17/2-, dpt [20/3-1856 \[#18\]](#) og konf [16/10-1870\[#1\]](#). Kodal bygdeleksikon [fortel dette om ektefolka](#).

Inger Marie og **Ola Ellingbø** vart foreldre til desse borna: **Maren** ^A f4/10-, dpt [15/10-1883\[#7\]](#), død [7/2-1895\[#2\]](#), gravl. Kodal 17/2 s.å. **Peder** ^B f [9/7-1886\[#8\]](#), konf [7/10-1900\[#5\]](#). **Olaf** ^C f 29/9-, dpt [18/10-1888\[#6\]](#). **Anders Martin** ^D f 13/7-, dpt [24/8-1890\[#4\]](#). **Olga Marie** ^E f 29/9-, dpt [30/10-1892\[#14\]](#). **Anna** ^H f 15/8-, dpt [30/9/1894\[#5\]](#).

Familien er registrert på Sti (gnr.108/1) ved [FT1891](#). [Krins5](#), [Husliste 45](#) og personsedlar [f.o.m.](#) - [t.o.m.](#) Ei tenestjente, [Inger Olea Andersdr](#) er *sysselsat med alt Slags Arbeide paa Gården*.

Kvar- og når **Ola O Ellingbø** hadde teke lærarutdanning har eg ikkje funne opplysning om. Ei nett-side, «[medieval-philosophers-timeliner..](#)» syner kvar lærestadane låg (*kart*) og kva tidsrom lærestadane var i drift. - **Ola** vart ingen gamal kar, han døydd av tæring [6/1-1895\[#2\]](#) og vart gravlagd på Kodal kyrkjegard 17. januar s.å.

[Teljinga 1900](#) syner at **Inger Marie** og 4 av borna (**Peder** ^B, **Olaf** ^C, **Olga Marie** ^E og **Anna** ^H) bur på Sti. **Anders Martin** ^D er registrert som *Fostersøn* på Holmen [gnr 70/29 i Hedrum](#). [FT1910](#) for Sti er nesten lik 1900, men no har **Olaf** ^C flytta ut. **Anders Martin** ^D finn vi no som *Landbrukskoleelev* på [Fosnæs i Stokke](#).

Inger Marie Ellingbø døydd av tæring [12/3-1913\[#3\]](#), gravl./jordfesta 19/3 s.å. De kan lesa meir om familien i [Andebu bygdebok](#). *Andre Ratvik Eidskrem* [si Geniside](#) syner også mykje etterslekt.

Lat oss snøgt ta med at «*Billiongraves*» syner at **Olaf** ^C Ellingbø døydd [23/8-1968](#) og er gravlagd på Høyjord kyrkjegard i Andebu. I same grav kviler **Agnes Marie** f Egtvedt ([29/12-1890](#) – 5/11-1981)

Anders Martin ^D gifta seg i [Ås kyrkje](#) (Akershus) [25/9-1926\[#9\]](#) med **Olga Marie Larsen**. Ho var f 10/7- på [Holstad i Ås](#), dpt i Ås krk. [31/8-1902\[#19\]](#). [FT1910](#) syner henne saman med foreldra, [Karl Vilhelm Sjungkvist](#)(Larsen) og [Marie Johansen](#), busette på Myrvang gnr 136/12 i Kråkstad herad. De kan lesa meir om **Martin Ellingbø** i boka «*Norske Landbrukskandidater*» [sidene 237/238](#). DISgravminner fortel at **Martin** døydd [21/11-1973](#) og vart gravl. på Stokke øvre gravplass 6/7-1974. **Olga Marie** døydd [2/4-1975](#), gravl. 14/6 s.å. - **Olga Marie** og **Martin** var foreldre til [Eivind Ellingbø](#). (25/9-1927 – [30/9-2007](#)). Han var gift med **Ragna Tora Brennhovd** frå Gol ([16/3-1923](#) – [2/3-2009](#)).

Olga Marie ^E vart gift med **Herman Kristiansen** frå Ullensaker. Han var f 11/4-, dpt i [Hovin krk.](#) 13/9-1891 og konfirmert [24/9-1905\[#27\]](#). Foreldra hans var dagarbeidar [Kristian Larsen](#) og [Indiane Larsdr.](#) Han er registrert på [Nyvold](#) gnr 166/36 i Ullensaker både ved [FT1900](#) og [FT1910](#). Hå [Findagrave.com](#) finn vi ektefolka gravlagde på Lakewood Cemetery i Minneapolis, MN. [[Herman](#) – [Olga Marie](#)]

Anna ^H gifta seg i Andebu krk. [14/12-1917\[#8\]](#) med **Henrik Møyland**, son til gardbr. [Kristoffer Henrikson](#) og [Olufine Klausdr](#) – f på [Ruelsrød](#) i Andebu 25/11-1894 og dpt [1/1-1895\[#3\]](#). **Henrik** dødde i 1941 medan **Anna** døydd i 1941. Båe kviler på Tønsberg gamle gravplass. - Her kviler òg sonen **Ole Ellingbø Møyland** (19/4-1922 – [1986](#)) medan vi finn broren, **Kristian Ellingbø Møyland** (11/1-1919 – [13/1-1983](#)) gravlagd på Grefsen kirkegård i Oslo. Med same gravnr.: *Brynhild Møyland* 12/6-1920 – 30/3-1986.

Då flytter vi oss til Brunlanes og helsar på ein ny lærar frå Vang.

Fødd i Vang, konfirmert i Slidre skolelærer i Strømsø, lærer og kirkesanger i Stavern

Ungkar og skolel(ærer) **Ole Kirkevold**, 34 år gml., fødd i *Slidre*, busett i [Skouger](#) – gifta seg i [Nøtterøy krk.](#) 25/9-1865 med *jomf(ru)* **Marie Barbara Landmark**, 34 år gml. - Ekteparet er ved [FT1865](#) busett på gard nr. 424 i [Tangen sokn](#), Strømsø prgj. i Drammen kjøpstad.

Innførsla for bryllaupet er så å seie korrekt, men **Ola**(Ole) var fødd 14/1- og dpt [6/2-1831\[#10\]](#) i [Vang hovedkyrkje](#). Han var son til *gdbgr* [Ole Thomesen Septon](#) og [Marit Helgesdr.](#) Fadrane var frå [Løkreim](#), [Heen](#), [Leirhol](#) og [Septon](#) – attåt desse folka kom [Andris Eivindson Vang](#).

Innan **Ola** vart konfirmert hadde familien flytta til [Øie-Kirkevold](#) i Vestre Slidre. Årsaka til flyttinga var at mor til **Ola**, [Marit Helgesdr](#) vart tilsett som **jordmor i Slidre** (sjå: [Gardar og slekter i Vestre Slidre s.608](#)). Gardhandelen for gnr. 66/2 finn de [på blad 65](#) i grunnboka for Vestre Slidre tinglag.

Vi finn at **Ola Olson Kirkevold** vart konfirmert av [sokneprest Harbitz](#) i [Slidredomen 26/7-1846\[#1\]](#). Harbitz vart sokneprest i Nøtterøy i 1852, og **Marie Barbara** var husstyrarinne hjå Harbitz i sju år. Det er difor gode grunnar til at bryllaupet var på Nøtterøy.

Ho **Marie Barbara** kom til verda 23/2- og vart døypt i [Ulstein kyrkje 22/3-1831](#)[\[Hside,13.ovanfrå\]](#). Foreldre er notert som *M Landmark* og *Karen Landmark*. Opplysningar til «[eit brev frå Ivar Aasen -tunet](#)» syner at ho var dotter til lensmannen i Ulstein, [Michael Angell Landmark](#) og [Karen Marie Andersdr.](#) Sjå opplysningar om ekteparet hjå «[Erik Bermtsens slektsider](#)». -

Marie Barbara og **Ola** lyt ha flytta til Fredriksvørn/Stavern i løpet av året 1866. Dottera **Valborg Marie** vart f 15/11-1866 og dpt [6/1-1847\[#2\]](#)., konf [16/4-1882\[#16\]](#). Sonen **Ole** kom til verda 26/9-, dpt [5/12-1869\[#26\]](#), konf [20/4-1884\[#1\]](#). Til sist, **Ludvig Daae** f 15/11-1871, dpt [21/1-1872\[#6\]](#), konf [17/4-1887\[#2\]](#).

Postbetjent **Ole Kirkevold**, 19 år gml; bustad Fredriksvørn, er registrert utreist med skipet *Island* frå [Kristiania 28/4-1887](#). Reisemål var [Mabell, Minnesota](#).

Ved FT1891 finn vi personsedlar for [Ole](#), [Marie](#), [Valborg](#),og [Ludvig Daae](#). Dei er registrerte i teljekrins 4, husliste 2 (Barakken No 2). [Huslista manglar](#).

På same adresse (Barakke nr 2) finn vi **Marie** og **Ole** ved [FT1900](#). No bur **Valborg Marie** i Skippergade 21 i Kristiania. Yrkestittelen hennar (Retouscheuse) tyder på at ho har arbeid med [foto/film](#).

[FT1910](#) syner at **Marie**, **Ole** og **Valborg Marie** byr på [Jahren](#), gnr. 39/2 i Brunlanes.



Jaren, Brunlanes - ortofoto fra [www.norgeskart.no](#)

Marie Barbara Kirkevold døydde (dødsårsak *aareforkalkning*) [23/12-1912\[#11\]](#) og vart gravlagd ved Stavern krk 28/12 s.å. ([DISgravminner](#)). *Forhenv. lærer og kirkesanger i Fredriksvørn, enkemand* **Ole Kirkevold** døydde [24/6-1919\[#5\]](#) av «[akut mavetarmkatarr](#)». Han vart lagt til kvile ved sida av kona si 28/6 s.å. ([DISgravminner](#) har ein annan dato for gravferda).

Medlemslista for «[Valdris Samband](#)» 1920 ([side179](#)) syner at **Ludvig D Kirkevold** i Kristiania var medlem, han var son til Ole Kirkevold frå Fredriksvørn.

Vi har vore innom **jordmødre** i eit par stubbar frå Østfold – og i denne stubben - om fyrste jordmora i Slidre – så det er kanskje rom for ein statistikk frå folketeljningane 1801, 1865 og 1910.

Person med yrke skrive Gjordemoder, Jordemoder, Jodermoder, Jordmor ved folketeljningane 1801, 1865 og 1910

Område / teljing år	1801	1865	1910
Østfold	5	28	51
Akershus	4	18	44
Kristiania		18	37
Hedmark	4	35	50
Oppland	3	28	58
Buskerud	9	32	78
Vestfold	8	27	20
Telemark	2	22	25
Aust-Agder	2	15	29
Vest-Agder	1	10	46
Rogaland	3	6	75
Hordaland		23	86
.... Bergen	3	4	42
Sogn og Fjordane	2	21	75
Møre og Romsdal	7	40	110
Sør Trøndelag	2	22	69
Nord Trøndelag	2	28	50
Nordland	4	23	97
Troms		10	55
Finmark	1	6	29
Samla	62	416	1126

De kan finne mykje opplysningar om denne yrkesgruppa på nettsidene [Jordmorutdanningen](#), [Jordmor2010](#), «[Om jordmødre på Romerike](#)» - og ikkje minst i den engelskspråklege «[Remedies and Rituals: Folk Medicine in Norway and the New Land](#)»

FT1865 Jordmødre med fødestad eller bustad i Valdres

Mari Olsdatter	1836*	Næs Prgj. Hallingdal	hans Kone g Jordemoder	Søndre Aurdal: Stugaardsjordet
Mari Tostensdatter	1842*	N Aurdal	deres Datter ug Jordemoder	Nordre Aurdal: Skavelden
Marit Helgesdatter	1796*	Vang	hans Kone g Jordemoder	Vestre Slidre: Kirkevold
Ingeborg Andersdatter	1841*	Vang	ug Gjordemoder bor paa Gaarden	Vang: Thune

Navn	Fødselsdato	Fødested	Stilling og stand	Bosted
Nekoline Baardsen	30-10-1872	Nordre Aurdal Valdres	b g jordemor	Hvaler: Hvalstrand
Ingebjørg Vaarum	09-12-1878	Ø. Slidre	hm g Jordmor	Urskog: Fossum skole
Berit Rogstad	12-07-1869	Vang Valdres	hm g Jordemor l	Gjerdrum: Rogstad nordre
Ragnhild K. Eidsgaard	27-09-1879	Vang Valdres	hm g Jordemor	Eidsvold: Krogvold
Magdalene Langberg	23-08-1861	Nordre Aurdal Valdres	hm e jordmor	Kristiania: Neuberggate 21
Anna Eriksen	22-12-1875	Valdres	b ug Jordemor	Kristiania: Torshauggate 16
Sigrid Mørstad	03-07-1867	Valders	el ug Jordemor	Søndre Odalen: Skarnæs
Bertine Kavlo	1884-07-10	Nordre Aurdal Valdres	Jormor Husbestyrerinde	Sollia: Brænd (gaard)
Guri Kvien	23-09-1884	Vang Valdres	fl ug jordmorassistent	Gjøvik: Skogveien 2
Severine Steinsrud	23-07-1867	Lunner Hadeland	jordmor	Søndre Aurdal: Jordet
Gjertrud Ødegård	10-03-1877	Søndre Aurdal	el ug Jordemor	Søndre Aurdal: Ødegården
Sofie Nilsdatter Riste	1881	Nordre Aurdal	el ug Jordemor	Søndre Aurdal: Nerby
Karine A. Hovde	01-04-1837	Etnedalen	e fhv. jordmor	Etnedalen: Hovde
Sigrid Eriksdatter	04-06-1857	S. Aurdal	fv. jordmoder	Nordre Aurdal: Sørengen
Ingrid J. Akervold	03-09-0875	Nordre Aurdal	l. ug jordmor	Nordre Aurdal: Vaarnes (gaard)
Marie H. Fladager	22-02-1885	Nordre Aurdal	hm ug Jordemoder	Nordre Aurdal: Skogli
Sigri K. Beito	18-01-1875	Østre Slidre	el ug Jordemor	Vestre Slidre: Heggelund
Marit M. Tande	10-02-1872	N. Aurdal	hm g Jordemoder	Østre Slidre: Kjælstad
Ingebjørg Trondsdr Thune	03-10-1840	Vang	fhv. jordemor - pensjon	Vang: Solheim
Maren Ivarsdatter Ellingbø	06-11-1879	Vang	ug jordmor skrædder	Vang: Bakkene
Klara Øraker	02-02-1882	Vestre Slidre	ug Jordmor	Skien: Prinsessegate 87

Kona til *Fragtmanden* – og mor til såpefabrikanten

[Sundag Septuagesima](#) 1832 var det messe i Slidredomen. Denne dagen kom ektefolka [Erik Ivarson](#) og [Ingebjørg Jonsdotter](#) frå Kvåle med ei lita jente til kyrkja. Ho fekk denne dagen [19/2-1832](#)^[#15] namnet **Ingebjørg** – faddrar hadde ho frå [Fulken](#), [Præstegaarden](#), [Næsia](#) og [Ovale](#). **Ingebjørg** var fødd på Kvåle 4/12-1831, foreldra er noterte å vera [huusfolk](#). [18/7-1847](#)^[#43] vart **Ingebjørg** konfirmert i [Røn kyrkje](#) av [sokneprest Harbitz](#).

2. juledag, [26/12-1853](#)^[#15] gifta **Ingebjørg Eriksdtr** seg med *ungkarl*, [fragtmand Eric Marcussen](#) frå Tjølling. **Erik** var f 13/9-, dpt i Tjølling krk. [17/10-1830](#)^[#26], konf Tjølling [30/3-1845](#)^[#11]. Eric sine foreldre var *baadfører/matros* [Marcus Hansen](#) og [Johanne Elisabeth Eriksdtr](#) frå *Lougerøen*.

Sonen **Marcus Eduard** ^A vart f i Larvik 10/4-, dpt [5/7-1857](#)^[#82]. Han døyr, berre vel havvtanna år gamal, [15/12-1858](#)^[#96], gravl i Larvik 21/12 s.å. - Ein ny **Marcus Eduard** ^B vert f 25/12-1858, dpt [27/3-1859](#)^[#59], konf Larvik [5/10-1873](#)^[#9]. Så kjem **Oluf** ^C f 7/3-, dpt [9/6-1861](#)^[#95], konf [3/10-1875](#)^[#7]. Einaste jenta i ungeflokken, **Inga Elisabeth** ^D, vart f 17/3-, dpt [9/8-1863](#)^[#151], konf [30/9-1877](#)^[#10]. **Johan Wilhelm E** f 13/4-, dpt [10/9-1865](#)^[#160], konf [5/10-1879](#)^[#19]. Yngstemann var f 16/9-, fekk namnet **Erik** ^E [20/11-1866](#)^[#167], konfirmert [24/4-1881](#)^[#22].

Familien er busett på [Thorstrand](#) lno.337b i Larvik ved [FT1865](#). Her bur òg foreldra til Erik, Markus Hansen og Johanne Elisabet Eriksdtr. [Johanna Elisabeth](#) døyde i Larvik [3/5-1867](#)^[#64], gravl 10/5 s.å. Ho er notert å vera 73 år gamal, dødsårsaka er *Pneumonie*. *Fragtmand Marcus Hansen*, notert f 1794 -4/11 døyde [10/10-1872](#)^[#96] på *Halsen i Laurvig*, gravl 17/10 s.å. -

Ingeborg og **Erik Markussen** med familie og ei tenestjente, *Karen Johanne Olsdtr*, er registrert busett i gård nr. 368 i Larvik ved [FT1875](#).

Teljinga for byar og kjøpsteder i [1885](#) syner at familien, med unntak av **Inga Elisabeth** ^D, no bur i Lille Strandgade no. 368 i Larvik kjøpstad. *Lovise Mathisen* f 1857 i Tjølling er med i husstanden.

[FT1891](#) plasserer **Ingeborg**, **Erik Markussen** og **Marcus Eduard** ^B i Lille Strandgade 15 i Thorstrand bydel i Larvik kjøpstad. I [FT1910](#) bur dei på same adresse.

Oluf ^C Markussen gifta seg i [Tjølling krk](#) [19/8-1888](#)^[#14] med **Mathilde Amalie Meyer**. Ho var f 19/1-, dpt [8/2-1863](#)^[#6] og konfirmert i Larvik [30/9-1877](#)^[#6]. Foreldra hennar var skibsfører [Martin Meyer](#) og kona [Marie](#). Ved [FT1865](#) budde familien i Thorstrand krins i Larvik prgj.

Mathilde Amalie og **Oluf** ^C fekk borna **Ingeborg Margrethe** ^{C1} f 6/9-, dpt [Hedrum krk](#). [24/10-1889](#)^[#24], konf Larvik [2/10-1904](#)^[#11] og **Alf** ^{C2} f Nybyen i Hedrum 1/10-1893, dpt Hedrum [25/3-1894](#)^[#7], konf Larvik [3/10-1909](#)^[#6]. Dei to borna finn vi i [FT1910](#) busette saman men farsystera **Inga Elisabeth** ^D, i [Dronningens gate 17](#) i Larvik kjøpstad. **Inga** er då enkje og er skriven *Abrahamsen*.

Inga Elisabeth ^D var gift med **Olaf Abrahamsen**. Han var fødd i Tønsberg 26/6-, dpt [11/10-1857](#)^[#89], konf Tønsberg [7/4-1872](#)^[#7]. Foreldra hans var tømmermann [Ole Abrahamsen](#) frå Tønsberg og [Torine Knutsdtr](#) frå Tinn i Telemark. Ved [FT1865](#) er dei busette i «*Arbeiderboligen paa Hospitalsløkken*» i Tønsberg kjøpstad.

Olaf budde i Store Langgade 104 i Tønsberg ved [FT1900](#). Han har truleg flytta til Larvik, der han døyde, [7/4-1910](#)^[#15], gravl 14/4 s.å på [Undersbo gravplass](#). **Inga Elisabeth** ^D, døyde [18/2-1931](#)^[#6] og vart òg lagt til kvile på Undersbo gravplass 23/2 s.å. ([DISgravminner](#))

Yngstemann, **Erik** ^E **Marcussen**, gifta seg [16/9-1897](#)^[#29] med **Agnes Marie Stangeby**. Ho var dotter til kjøpmann [Albert Stangeby](#) og [Agnes Marie Molvig](#) - f i Larvik 29/10-, dpt [22/12-1873](#)^[#98], konf [28/4-1889](#)^[#8]. [FT1875](#) syner at **Agnes** tidleg vart morlaus – mor hennar døyde i barsel feber (*Febris puerperalis*) [16/11-1873](#)^[#117]. Ved [FT1885](#) er bustaden «*ved Torvet*» nr 105 i Larvik kjøpstad.

[Teljinga 1900](#) fortel at **Erik** ^E **Marcussen** og **Agnes Marie** no bur i Kongens gade 23 i Larvik. Dei har no to born, **Ellen** ^{F1} f [Sigurdagade 5](#), 28/8-, dpt [16/10-1898](#)^[#89], konf [7/12-1913](#)^[#10] og **Wilhelm** ^{F2} f 12-6-, dpt [15/7-1900](#)^[#74], konf 14/5-1916^[#40].

Barneflokket har auka med to born til når vi finn familien i [FT1910](#). No bur dei i [Herregårdsbakken 2b](#) i Larvik. Dei to nye skota på familietreet er **Sverre** ^{F3} f Munkegangen 1 9/3-, dpt [30/4-1905](#)^[#41], konf [4/12-1921](#)^[#2] og **Borghild** ^{F4} f Storgt 18 22/2-, dpt [26/5-1907](#)^[#35], konf [13/5-1923](#)^[#20].

Ekteparet i Lille Strandgt 15 i Larvik fekk b e h g alder. Ho **Ingebj rg Eriksdotter** fr  Kv le d ydde [7/4-1919\[#23\]](#) , gravl 12/4 s. . - medan ektemannen, **Erik Marcussen** d ydde [10/12-1922\[#50\]](#), gravl og jordfesta i Larvik 15/12 s.  . Industrigr ndaren **Erik Marcussen** er omtala i «[Merkantilt biografisk leksikon](#)» (1935): «*MARCUSSEN,Erik, disp.(Vestfold Margarinfabrik A/S, Larvik).f.16.sept.1866 i Larvik. - Utd. forretningsmand, overtok Larvik S pefabrik 1892,eneinnehaver til 1915, start, o venn. Fabr. 1927.*»

«*Vestfold Margarinfabrikk utstiller margarin*» p  «*Utstillingen i Larvik 9—25. september i 1932*» fortel nettsida «[Larvik i n r fortid](#)». - «*I Societetsbygningen har ogs  Larvik S pefabrikk sin utstilling. Og Ergo og Ren   fin lyser fra eskene*» st r det vidare.

Artikkelen hj  NRK - «[Bj rn skriver sin f rste CV](#)» fortel og om korleis s pefabrikken til familien Marcussen endra «ansikt» og produksjonsspekter gjennom 100  r. [Meir om Denja her](#).

[Ein Geniprofil](#) har med ei sv rt lita oversikt kring **Erik** F **Markussen**. [Lokalhistoriewiki](#) har [ei nettside](#) om **Erik** F **Marcussen** (1866-1958).

Fr  «*Emigrantlistene*» finn vi at **Erik** var p  reise til New York [10/1-1920](#). S nene **Wilhelm** F2 ([liste](#)) og **Sverre** F3 ([liste](#)) reiser fr  Larvik til USA 13/3-1924.

Erik F **Marcussen** vart gravl. p  Undersbo gravplass, Larvik [6/10-1958](#). Ektemake **Agnes Marie** vart lagt til kvile same stad [1/9-1964](#).

Sverre F3 **Marcussen** vart, iflg DISgravminner, gravlagd p  Ubdersbo gravplass [14/10-1991](#). P  same gravnummer kviler **Gudrun Tokle Marcussen**, gravl. [10/5-1993](#).


Alf C2 **Marcussen** gifta seg i Larvik [31/7-1920\[#36\]](#) med **Carola S rensen**. Ho var dotter til *skibsf rer/colonialhandler* **S ren Peder S rensen** og **Theoline Amalie**. **Carola** var f 1898 i Larvik og er ved [FT1900](#) registrert i Kongens gade 11 i Larvik kj pstad, ved [FT1910](#) i Nansetgate 22 i Larvik. **Carola** og **Alf** budde i Kongens gt 43 d  dei vart foreldre til **Karin** f [11/8-1921\[#78\]](#). - **Alf** var disponent ved Larvik S pefabrikk i 1939.

Alf C2 vart gravlagd p  Undersbo gravplass [26/1-1949](#). **Carola** vart gravlagt same stad [8/11-1984](#). **Karin D vle** f 11/8-1921 vart gravlagd p  Undersbo gravplass [26/8-2010](#).

Eivindsdottera og Gulliksonen

15/12-1838 vert «[huusfolk](#)paret» [Even Olsen Uhren](#) og [Berit Engebretsd](#) foreldre til ei dotter. Ho fekk namnet **Berit** den [28. februar 1834](#)^[#10] og vart konfirmert [12/8-1849](#)^[#49].

[Even/Eivind Olson](#) var døypt i Slidredomen [3/9-1797](#)^[Vside,7.ovanfrå]. Han var son til Ole Knudsen Uren og Marit Eriksdtr. «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*» fortel på [side 367](#) at desse ektefolka budde på gnr. 44/16 (*Ule/Urden*). Her har det snike seg inn eit eittal for mykje, [grunnboka](#) syner at rett gardsnr. er **44/6**.



Berit Eivindsdtr er komen eit langt stykke bort frå Slidre sokn neste gong vi finn henne i ei kyrkjebok. [29/6-1865](#)^[#28] stod *pige Berit Evensdatter*, 32 aar, fødested *Ulen i Slidre*, brur i Sandar. Brudgom var *grdbr., ungtkarl Ole Gulliksen*, 42 aar, busett på [Kamfjord](#). Han var f 18/3-, dpt i Sandar prgj. [31/3-1823](#)^[#30], konfirmert Sandar [30/9-1837](#)^[#16]. Han var son til [Gullik Nilsen Kamfjord](#) og [Anne Jørgensdtr.](#) - De kan lesa meir om dei i «*Sandeherred: en bygdebok*», [side 396](#).

Berit og **Gullik** finn vi ved [FT1865](#) busette på Kamfjord lno 317 i Sandeherad sokn, saman med føderådsmannen Gullik Nilsen, tenestjenta Henrikke Hansdtr og *logerende* Anton Andersen.

Berit og **Gullik** vart foreldre til **Anne** ^A **Olsdtr** d 9/4-, dpt Sandar [29/4-1866](#)^[#86], konf Sandar [24/4-1881](#)^[#1]. **Even** ^B **Olsson** f 10/2-, spt [13/2-1870](#)^[#38], konf [5/10-1884](#)^[#4]. **Gullik** ^C **Olsson** f 28/11-, dpt [10/12-1871](#)^[#174], konf [3/10-1886](#)^[#2].

Birgit Evensdatter, 42 ⁵/₁₂ år døydde av tæring på Kamfjord [25/5-1875](#)^[#51], gravl. Sandar 28/5 s.å. Legg merke til at ho Berit frå Valdres no er skriven Birgit. Sjå stubben om [parallellnamna Berit/Bergit](#).

[FT1875](#) syner **Ole Gulliksen** og dei tre borna **Anne**, **Even** og **Gullik**, - samt tenestgut Johan C Pedersen og tenestjente Emile Olsdtr - busette på *Kamfjord østre* lno 316d & 317 i Sandeherred. Grunnbok-bladet for løpenr. 317, seinare gardsnummer 115, bruksnr 7 [finn de her](#).

Ut frå oppnemning av «*verger for umyndige arvingar*» (*Ole Gulliksens dødsbo*) datert 2. mai 1887 og skifteskjøtet av 21/10-1887 (*til Anne Olsdatter, Even Olsen og Gullik Olsen*) skulle ein tru at **Ole Gullikson** er død, men inga innførsle er å finne i ministerialbøkene for Sandar.

Det ser ut til at den einaste av syskena som fann seg ektefelle var storesyster **Anne** ^A **Olsdtr**. Ho gifta seg i Sandefjord [29/5-1889](#)^[#11] med **Anders Anton Erikson Reinemo**. Han var son til gardbrukar [Erik Anderson](#) (Reppesgaard) og [Lovise Marie Olsdtr.](#), fødd på [Reppesgaard](#) i Hedrum 27/3-, dpt Hedrum [11/5-1862](#)^[#19], konf Hedrum [1/10-1876](#)^[#4].

Grunnboksbladet for Kamfjord ([sjå ovanfor](#)) syner ei skjøte av 1892, tinglyst 3/5-1899 «*fra Anders Andersen Reinemo til Even og Gullik Olsen på den 3del hjemlet til Anne Olsd*». Ei ny skjøte, tinglyst same dag, gjev **Even** ^B **Olsson** rett til broren **Gullik** ^C **Olsson** sin arvedel – og ei ny skjøte, datert 4/9-, tgl. 4/10-1899, fører garden ut or «Gullikslekt» !

Anne ^A **Olsdtr**. og **Anders Reinemo** vert foreldre til denne barneflokken: **Berit Lovise** ^{A1} f 25/7-, dpt [7/9-1890](#)^[#17], konf [1/10-1905](#)^[#2]. **Erik** ^{A2} f 24/12-1891, dpt [10/4-1892](#)^[#11], død [20/11-1892](#)^[#16], gravl 26/11 s.å. **Erling** ^{A3} f 22/2-, dpt [20/4-1894](#)^[#8], konf [Svarstad](#) i Lardal [4/10-1908](#)^[#5]. **Leif** ^{A4} f 10/9-, dpt [3/11-1895](#)^[#27], konf [2/10-1910](#) ^[#2]. Tvillingane **Ingrid** ^{A5} og **Ingvald Bergan** ^{A6} f Fagerli i Hedrum 16/9-, dpt [30/12-1898](#)^[#26 & 27]. **Martin** ^{A7} f 23/10-, dpt [18/11-1900](#)^[#20]. **Marit** ^{A8} g 31/8-, dpt [21/9-1902](#)^[#22]. **Bjørn** ^{A9} f 17/3-, dpt [11/6-1905](#)^[#12].

Familien er ved FT1891 ([Husliste](#)) busett på Reinemo i Hedrum (Personskjema [1,2,3](#)). [FT1900](#) fortel at dei bur på Fagerli i Hedrum. [Hole, gnr 30/1 i Lardal](#) er bustadsadresse ved [FT1910](#). No er

«sjømand» **Even^B Olsson**, bror til **Anne^A Reinemo** busett hjå familien. - Frå [grunnboksbladet](#) for Hole ser det ut til at **Anders Reinemo** kjøpte eigedomen 11. desember 1905.

Frå «Norske Gardsbruk» Vestfold fylke finn vi at **Berit Lovise^{Al} Reinemo Aschjem** (1890-[1981](#)) i 1918 vart gift med **Adolf Aschjem** (1891-[1960](#)) på [ovre Aschjem i Lardal](#). Dottera **Astrid Kirstine^{Al1}** vart f 16/12-1918, dpt Svarstad [9/2-1919](#) [#4] og systera hennar, **Aase Amalie^{Al2}** f 6/11-1925, dpt Svarstad [1/1-1926](#) [#2].

DISgravminner syner at **Erling^{A3} Reinemo** døydde [20/11-1978](#), gravl. 30/11-1978 på Svarstad kyrkjegard. Med same gravnummer finn vi **Maren Reinemo** 10/11-1893 – [23/3-1986](#). Det er vel henne vi finn døypt i Svarstad krk. [1/1-1894](#) med foreldre garvar **Erik Gulliksen Otterstad** og **Marie Abrahamsen**. Ho er ved [FT1910](#) registrert på Sogn Sundby gnr 32/18 i Svarstad teljekrins, Lardal prgj. ([Danmarksveien 6](#))

Ingrid^{A5} Reinemo Hoff finn vi hjå DISgravminner død [18/6-1986](#), gravl 26/6 s.å. på Våle kyrkjegard, Re kommune. Same gravstad har *driftsbestyrer* **Alfred Kristoffer Hoff** (6/4-1896 – 21/4-1966). Det er vel han vi finn døypt i Svarstad krk. [24/5-1896](#) [#8], son til gardbr. Tjodolv Hoff og Nikoline Borgersdtr på garden Opsal. Han er i [FT1910](#) busett på Opsal vestre gnr 35/2 i Lardal. Familien er nemnd på [Opsal, Vestre](#) i «Norske gardsbruk» 1947.

Martin^{A7} Reinemo er registrert hjå DISgravminner med dødsdato [19/2-1978](#), gravl Svarstad kyrkjeg. 24/2-s.å. - Same gravstad har **Bertha Reinemo** (23/12-1905 – 23/9-1998). Dette høver til å vera **Bertha**, dotter til skytter ([kvaltskyttar?](#)) **Ole Severin Olsen** og **Marie Pedersen**, dpt [4/2-1906](#) [#4] i Sandar prgj.

Familien er ved [FT1910](#) busett på ([Lystadsvingen 17](#)) gnr 128/40 i Store Bergan teljekrins, Sandaherred prgj.

Marit^{A8} Reinemo Myhre er notert med dødsdato [26/6-1976](#) og gravferdsdato 2/7-s.å. hjå DISgravminner. Eg går ut frå at ektemannen, **Hans Arnold Myhre** (21/2-1903 – [17/1-1974](#)) kviler i gravnr. 16. I så fall var han son til lensmann **Fredrik Hansen** og **Inga Marie Andersdtr**, døypt i Svarstad krk. [9/4-1903](#) [#4]. og busett på Gavelstad nordre gnr. 53/5 i Lardal ved [FT1910](#).

Bjørn^{A9} Reinemo er registrert gravlagd på Ekeberg gravplass, Sandefjord [11/8-1978](#). Same gravnummer har **Ella (Reinemo)**, gravl. [26/9-1980](#).

Etterslekta i Vestfold kan, om dei leitar, finna slektningar både i Valdres og på Hadeland....

Førenamnet Gullik i Valdres og i Noreg ved teljingane 1801, 1865 og 1910

frå [Norderlendske fyrenamn](#): *Gudleik* og *Gudlak* m., førøysk *Gudlakur*, *gulakur*, sv. *Gullik*, han som gleder gudane, som gudane likar. ... *Gudleikr* - Noreg 1204-1518, Island 1421-86 *Gudleik* Sudvest-Noreg, *Gulle(i)k*, *Gul(l)ik* Austland, i no. målføre *Gulleik* m.st., på Austland og *Gullek* og i skrift

Prestegjeld		1801	1865	1910
Aurdal		2	16	3
	<i>Sør-Aurdal</i>		3	1
	<i>Nord-Aurdal</i>		13	2
	<i>Etnedal</i>			0
Slidre		30	53	44
	<i>Vestre Slidre</i>		25	20
	<i>Øystre Slidre</i>		28	22
Vang		12	17	10
		44	86	57

Eor eigen del har eg støtt sett for meg at namnet **Gullik/Gølik** hadde mest utbreiing i Slidrebygdene, noko statistikken ovanfor, frå teljingane 1801-1865-1910, syner var ein fornuftig tanke.

Område / FT år	1801	1865	1910
Østfold	27	12	8
Akershus	60	52	16
Kristiania	3	9	20
Hedmark	14	8	1
Oppland	48	78	52
Buskerud	165	239	167
Vestfold	110	212	124
Telemark	46	112	85
Aist Agder	1	0	3
Vest Agder	0	2	4
Rogaland	19	9	6
Hordaland m Bergen	78	11	5
Sogn&Fjordane	0	16	3
Møre&Romsdal	24	42	25
Sør Trøndelag	8	11	2
Nord Trøndelag	6	6	0
Nordland	1	0	4
Troms	0	0	2
Finnmark	0	0	6
Sum	2411	2684	2443

Det «tunge Gullikområdet» er Buskerud og Vestfold.

I Buskerud er det dalføret langs Numedalslågen som har storparten av Gullikane i 1910:

Hallingdal: 2, Ringerike: 2, Drammensregionen: 32,
Numedal/Sandsvær: 131.

I Vestfold er namnet meir jamnt fordelt i fylket.

Læraren frå Kristianslund

Ung. Skolelærer **Anders Olsen Lund**, 22 år gamal, fødd i Aurdal, bustad [Tømmerholt](#), gifta seg [29/12-1862](#)^[#34] i [Nøtterøy krk](#) med *jomfru* **Elise Alida Knudsen**, 36 å, fødd på [Skjærpe](#) på Nøtterøy.

Anders var f på [Kristianslund](#) i Aurdal 10/11-, dpt i Aurdal krk. [11/12-1840](#)^[#70] og konfirmert [18/7-1855](#)^[#8]. Foreldra hans var *grdm* **Ole Ols Christianslund** (1791 – 15/6-1851) og *Sophie Tollevsdatter* (1795 – 7/12-1890). Dei gifta seg i Aurdal krk [1/11-1825](#)^[#18]. **Anders** var oppattkalla etter far til mormor si, Anders Arneson, omtala i «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» [band B, side 119](#) (Nedre Bagn).

Else Alida var dotter til skipper **Poul Knutsen** frå [Skjærpe](#) og **Helena Andrea Jensdtr.** Ho var f 3/9-, dpt Nøtterøy krk [8/9-1826](#)^[#50] og konfirmert [20/5-1841](#)^[#5]. Familien hennar finn de meir om i «*Nøtterø . En bygdebok*» [side 529](#). - **Else Alida** fekk dottera **Caroline Augusta** 15/6-, dpt [13/7-1852](#)^[#34], konf [14/10-1867](#)^[#70]. Far til jenta er skriven *Ungkar, Uhrfabrikant* **Carl August Christensen** fra Strømstad.

Anders og **Else Alida** vart foreldre til to døtre: **Sofie** ^A f 4/3-, dpt [19/4-1863](#)^[#28], konf [13/10-1878](#)^[#83] og **Helene Andrea** ^B f 1/4-, dpt [14/5-1865](#)^[#35], konf [3/10-1880](#)^[#115]. **FT1865** plasserer familien på «*Skolehuset under Tømmerholt*»

Navn	Fødselsdato	Døpt	Konfirmert	Andre opplysninger
Anders Olsen Lund	10/11	11/12-1840	18/7-1855	
Else Alida Knudsen	3/9	8/9-1826	20/5-1841	
Sofie	4/3	19/4-1863	13/10-1878	
Helene Andrea	1/4	14/5-1865	3/10-1880	

[Grunnbokabladet for Skjerpe](#), løpenr 184, seinare gardsnr 90, bruksnr 1, syner at **Anders Lund** fekk skjøte frå svigerfaren på eidedomen – datert 10., tinglyst 14. april 1869.

FT1891 ([utdragsliste](#), [Husliste #29](#)) syner **Anders**, **Elise**, **Caroline** og **Sofie** busette på Skjerpe. I tillegg har dei *Johanna Carlsd* f 1878 i «*sforpleining for Fattig væsenets Regning*». *Husfaderens Brodersøn*, **Ole Lund** ^(#46), f 1868 i N Aurdal Valdernes er *Besøgende*. Han går på «*Underofiserskole i Christiania*».

Sofie ^A gifta seg i Nøtterøy krk [29/4-1894](#)^[#16] med *styrmand* **Ole Torgersen**, son til *matros* **Torger Skjærve Olsen** (skriven *Skibstøm*: i 1894) og **Karoline Karlsdtr.** **Ole** var fødd i Tindvig/Tinvig ([Tenvik?](#)), Nøtterøy 11/10-, dpt [23/11-1867](#)^[#127], konfirmert Nøtterøy [26/2-1882](#)^[#11].

Ole og **Sofie** ^A vart 2/8-1896 foreldre til ein gut. Han kom til verda på Tømmerholt og vart døyd i Nøtterøy krk [30/8-1896](#)^[#45], der han fekk namnet **Oddmund Sigurd** ^{A1}. Han vart konfirmert i Nøtterøy krk. [1/10-1911](#)^[#1]. Ved **FT1900** finn vi familien busette på Tømmerholt gnr 94 & 95/4og5 i Nøtterøy herad. - Sonen **Ebbe Arnold Billmann** ^{A2} vart f på Tømmerholt 16/5-, dpt Nøtterøy [7/6-1903](#)^[#25], konf Nøtterøy [30/9-1917](#)^[#2]. Rosenborg gnr 90/9 var bustadadresse for familien ved **FT1910**. **Ole Torgersen** kjøpte Rosenborg av svigerfaren **Anders O Lund** med [skjøte av 21/10-](#), tgl [2/11-1903](#).

Skjerpe gnr 90/1 er bustad for **Elise**, **Anders** og **Karoline** ved **FT1900**. Her finn vi òg tenestjente **Oline Nilsen**, f 1882 ^[#4], frå Valdernes(N. Aurdal). *Karoline styrer huset, da Husmoderen er syk!* **Helene Andrea** ^B finn vi ved [same teljing](#) med adresse Haakon den Gamles Gade 256D i Tønsberg.

Else Alida døydde (*slagtilfælde og Lungebetændelse*) [29/4-1902](#)^[#12] gravl. 6/5 s.å. **FT1910** syner at **Anders** og steddotter **Karoline** bur på Skjerpe. **Helene Andrea** ^B, *lærerinde folkeskole*, er no loserende hjå politikonstabel Halvor Vale og kona Hanna, i Gabriel Chr. Gate 4 i Tønsberg kjøpstad.

Lærer **Anders Olsen Lundh** (enkem.) døydde på Skjerpe [15/1-1931](#)^[#3]. Han vart gravlagd og jordfesta ved Nøtterøy krk. 21/1 s.å. ([DISgravminner](#)). **Caroline Augusta** Karlsdtr døydde på Skjerpe [1/10-1932](#)^[#40], gravl 6/10 s.å. **Helene Andrea** ^B, døydde [15/6-1950](#), gravl. 8/8 s.å.

[Heimelen til Skjerpe-Rosenborg gnr 90/9 i Nøtterøy herad](#) vart, etter at **Sofie** ^A Torgersen døydde i februar 1934, overført til sønene Ebbe og Oddmund Torgersen. I «*Norske gardsbruk*» - Vestfold, [side 641](#) er distriktslege **Oddmund Sigurd Lund Torgersen** skriven som eigar av Skjerpe gnr. 90/1&2. Han overtok ved [skjøte fra arvingane efter Anders Olsen Lund](#), dat 21/4-, tgl 24/5-1932. De kan finne meir om **Oddmund Torgersen** på [side 487](#) i «*Norges leger: 1967*» - og i artikkelen «*Dr. Torgersen – distriktslegen i våre hjarte*». **Oddmund Sigurd Lund Torgersen** døydde [5/3-1972](#) og vart lagt til kvile på Ødegård gravstad, Stranda 17/3 s.å. Hjå **DIS-gravminner** finn de også [bilete av minnebautaen](#).

Fødde i Hedalen kyrkjesoskn, konfirmerte og gifte i Larvik

Birthe Christine vart døypt i [Hedalen krk. 21/6-1829](#)^[#53]. Ministerialboka fortel at ho var fødd på [Grimsrude](#) 25/3 s.å.. Foreldra hennar var husmannsfolka [Nils Iversen](#) ([Gravli](#), Ådal i [FT1801](#)) og [Guldborg Haagensdt](#) ([Grøv](#) store i [FT1801](#)), dei gifta seg i Hedalen [6/1-1817](#)^[#6]. Dei er nemnde i «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band C, [side 360](#).

Familien lyt ha flytta til Larvik før 1845. Vi finn **Birthe Christine** konfirmert [27/4-1845](#)^[#10]. Faren er her skriver *Arbeid(ar?)*. - **Birthe Christine** vart mor til ei jente f 26/10- i Larvik, døypt **Gunhilde Nilsine Johanne** [26/12-1858](#)^[#202]. «*Udlagt som barnefader*» vart *Ungkarl Johan Jørgen Johansen, matros*.

[FT1865](#) for Larvik prgj. syner at **Gunbjør**(Gudbjørg/Guldborg), **Berthe Christine**, **Gunhilda Nilsine** og pleiesonen **Julius Gotfried Pettersen** er busett i «*Gaard nr. 199*».

Julius Gotfred er son til *styrmand* Lars Petersen og **Gunhild Marie Nilsdtr.** Han var f 2/12-1861, dpt Larvik [9/3-1862](#)^[#28]. **Gunhild Marie** var veslesyster til **Birthe Christine**. Ho var f på [Sørum](#) 23/12-1837, dpt i Hedalen [1/1-1838](#)^[#12] og konf i Larvik [14/7-1853](#)^[#13]. Ho gifta seg i Larvik [1/2-1861](#)^[#3] med *styrmand* Lars Petersen **Narestøe**. Lars var f 25/7-, dpt i [Flosta krk 3/8-1834](#)^[#11], konfirmert Flosta [15/10-1848](#)^[#10]. Lars var son til [Petter Christensen](#) og [Johanne Larsdtr.](#) **Gunhild Marie** døydd i Larvik [3/12-1863](#)^[#2], gravl. 9/12 s.å.

Birthe Christine gjekk inn i ektestand, 44 år gamal, [16/12-1873](#)^[#63]. Brudgom var *matros* **Edvard Andersen af Laurvig**, 31 ½ Aar. **Edvard** var son til arbeidar [Anders Eriksen](#) og [Andrea Eriksdtr.](#) Han var f 4/5-, dpt i Larvik [21/8-1842](#) ^[#41], konf Larvik [19/4-1857](#)^[#26].

Når vi kjem til [FT1875](#) for Larvik prgj. finn vi **Edvard og Berthe Andersen** samt **Gunhild Marie Johannesen** (*Ombærer Breve for Laurvigs postcontor*) og **Gunbjør Syversten** busette i gard nr. 785. Enke (*efter Arb. Nils Iversen*) **Gunbjør Haakensdtr** døydd i Larvik [7/5-1879](#)^[#53], gravlagd i Larvik 10/5 s.å.

[FT1885](#) plasserer **Berthe K Andersen** og dottera, *bybud* **Gunhild Johannesen** i Løkkeveien (Rødningen) 785 i Larvik kjøpstad.

Eldste dotter til [Nils Iversen](#) og [Guldborg Haagensdtr](#), **Guri**, var f på [Grimsrud](#) 4/10-1821, dpt [Hedalen krk. 5/1-1822](#)^[#5], konfirmert Bagn krk. [5/3-1837](#)^[20]. **Nils** er i ministerialboka i 1821 skriven *forpagter*. - **Guri Nilsdtr** gifta seg i Larvik [23/6-1851](#)^[#10] med ungarl **Anders Olsen Ambjørnsrud**, 26 år gml. frå Andebu. Han var son til [Ole Mathisen](#) og [Kirsti Olsdtr](#), f 31/3-, dpt i Andebu krk. [29/4-1825](#)^[#7].

Guri og **Anders** fekk borna **Carl Anton** ^A f 7/1-, dpt Larvik krk. [30/4-1854](#)^[#46], konf [4/4-1869](#)^[#3]. **Nikolai Gerhard** ^B f 14/2-, dpt Langestrand [4/4-1856](#)^[#9]. **Anna Olava** ^C f 21/10, dpt [13/12-1857](#)^[#174], konf [7/4-1872](#)^[#24]. Faren, **Anders Olsen**, vart skriven *kirketjener* då **Hjalmar Marinius** ^D f 7/9-1859, dpt [8/1-1860](#)^[#1], konf [12/4-1874](#)^[#11]. **Christopher** ^E f 1/12, dpt [9/3-1861](#)^[#27], konf [11/10-1876](#)^[#28]. **Georg Bernhard** ^F f 8/7-, dpt [8/11-1865](#)^[#175]. Til sist kjem **Sjulda Karitte** ^G f 5/6-, dpt [14/11-1869](#)^[#166], konf [30/9-1883](#)^[#29].

Bustadadresse for familien er *gaard nr. 273* i Larvik ved [FT1865](#), *gaard nr. 311A* ved [FT1875](#), *Bøgelibakken 302* i Larvik kjøpstad ved [FT1885](#) og *Oscars Gade 4* i «Byen» ved [FT1891](#). [FT1900](#) syner at enkje **Gurine Olsen** (**Guri Nilsdtr**) bur i *Oscars gade 4* i Larvik kjøpstad.

Guri Nilsdtr døydd av «*hjertelammelse*»(slag) i Kirkegaden 6, Langestrand [2/4-1906](#)^[#28]. [Klokkeboka](#) seier «*enke efter avdød Glasmester Anders Olsen*», fødestad *Telemarken*. [Ministerialboka](#) har: fødestad «*Valders, Søndre Aurdal*» - som ut frå det eg har vist til – lyt vera det rette !

Dottera **Anna Olava** ^C finn vi i [FT1900](#) som «*Husbestyrerinde*» hjå *kjøbm i Colonial* Otto Andersen. [FT1910](#) tyder på at **Anna Olava** ^C har gifta seg med kjøbmand Otto – dei driv no «*Vedforretning*»

Conditorsvend i Kristiania - Bagermester i Langestrand

Bakar Schröder i Karl Johans gt. 17 har ein stor stab tilsette ved [FT1875](#). Ein av desse er *conditorsvend* **Even Knudsen** frå *Nordre Aurdal Valdres*. **Even/Eivind** var tvilling med **Anders**, dei var fødte på *Aabergsbraaten* 19/2-, døypte i Aurdal krk. [28/3-1852](#) [#15&14] og konfirmerte i Aurdal [1/7-1866](#) [#16&17]. Foreldra til gutane var **Knut Knutson**([18/4-1809](#) – [25/12-1865](#)) gift [22/10-1835](#) [#29] med **Siri Ivarsdr**(f [12/9-1811](#)). [FT1865](#) plasserer enkje **Siri** og borna **Iver**, **Anders Even** og **Kjersti** på Haugen, **Aaberg** i Nordre Aurdal prgj. **Even/Eivind** var kalla opp etter ein av oldefedrene sine på morsida, **Eivind Arneson**, døypt i Aurdal [10/12-1747](#)[Vside,øvst]. (Siri Ivarsdr er syster til ein av stubbskrivaren sine åtte tippoldefedre).

Bakarforretning har det, iflg Moss historielag si [nettside om «Møllhausen»](#), vore i [Karl Johans gate 17](#) frå 1853. Ved [FT1865](#) budde bakarmeister Johannes Schröder i øvre Slottgate 7.

Etter læretida i Kristiania har **Eivind** lagt vegen til Larvik. *Ungk. Bager Eivind Knudsen* f 1852 i Aurdal og enke **Mathilde Hansen** gifta seg i Larvik [22/4-1883](#) [#21]. Forlovarar var bakarane Johan Hansen og Andreas Nilsen. **Mathilde** var dotter til matros **Willads Hansen** og **Birthe Marie Halvorsdr**. Ho var f 16/1-, dpt [22/4-1842](#) [#7] i [Langestrand krk.](#) og konfirmert [5/10-1856](#) [#17]. Ho gifta seg i Langestrand [18/10-1868](#) [#8] med skipstømmermann **August Andreassen**. Dei budde i «gaard nr 78» ved [FT1875](#). August døydde [22/3-1881](#) [#21] og vart gravl ved Langestrand krk. 28/3 s.å.

[Rosendalsgate](#) på Langestrand var adressa til **Eivind** og **Mathilde** ved [FT1885](#). **Mathilde** døydder av «*cancer ventriculi*» [29/11-1887](#) [#13] og vart gravl 6/12 s.å.

Etter eit knapt år som enkjemann finn vi **Eivind** som brudgom for andre gong. No heiter brura **Olava Hansdr**, dotter til **Hans Jacobsen** og **Anne Marie Olsdr**. **Olava** var f på [Eftang i Tjølling](#) 3/2-, dpt Tjølling krk. [13/3-1848](#) [#4], konfirmert [29/3-1863](#) [#20]. – Ho **Olava** hadde nok hatt eit eventyr med ein *sømand* **Peder Larsen** frå *Laurvig*. Det er i alle fall namnet hans som vart oppgjeve i Ministerialboka for Tjøme då dottera **Petra Otilie** vart døypt [23/1-1870](#) [#6]. **Petra Otilie** vart konfirmert i Larvik [5/10-1884](#) [#10]. [FT1891](#) syner at **Olava**, **Eivind** og **Petra** er busett i [Nanset Gade 22](#). Petra er *Butiksjomfru*, og dei har Marie Olsen frå Ramnes som *Tjenestepige*.

Nanset Gade 22 er adresse også ved [FT1900](#). No har **Olava** og **Eivind** Jenny Hansen frå Larvik som *Butiksjomfru*. **Olava Knudsen**, baker *E Knudsens kone* døydde [26/6-1908](#) [#33] av *Apoplexia ceribri*. Ho vart gravlagd i Larvik 1/7 s.å.

[FT1910](#) fortel at *Bagermester, enkemand* **Even Knudsen** no har **Sofie Gundersen** frå [Dybvaag, Lyngør](#) som Husbestyrerinde medan **Petra Rød** frå Hedrum er *Butikfrøken*.

Bakarmeister, enkjemann **Even Knudsen** døydde [5/5-1916](#) [#19]. Bustad er notert Grøndal, Nanset Hedrum. [Ministerialboka for Hedrum](#) [#0] fortel at **Eivind** vart gravlagd på Undersbo, Larvik kirkegaard – *iflg skriv fra Sogneprest Aassen av 16 Mai*.

Bakarstatistikk [finn de her](#).

Skomakarmeister i Langestrand

[26. desember 1817](#)^[Vside, nest nedst] finn vi *Ungkarl, Skomagerm* **Isak Julsen Sørum**, 32 Aar, som brudgom i Larvik prgj. Han gifta seg med *Pigen* **Elen Pedersdatter**, ho er 22 år gamal – forlovarar var Engebret Leerberg og Johannes Stolpestad. Ei folketeljing for [Larvik i 1825](#) syner **Isak Juulsen Sørum**, **Elen Pedersdatter** og borna **Peder Juul**, **Anne Sophie**, **Allethe** og **Ellen Søverine**.

Isak Sørum finn vi att ved [FT1865](#) for Larvik prestegjeld. Han er fødd i *Valders, Skomager*, 80 år gamal og busett i Langestrand. Førenamnet Isak er ikkje mykje brukt i Valdres, så **Isach Jullsen**, 15 år gamal, busett på [Sørum i Ourdahls HovedSogn](#) skil seg ut ved [FT1801](#). Ut frå dette kan vi finne **Isak** døypt i Aurdal kyrkje [23. juli 1786](#)^[Vside, 4. nedanfrå] med foreldra [Juel Olsen Sørømseje](#) og [Ane Olsdtr.](#) (For ordens skuld kan nemnast at Isak er bror til ein av stubbskrivaren sine 16 tipptippoldefedre)

El(Den) og **Isak** vart foreldre til **Peder Juul**^A f 26/6-, dpt Langestrand [16/8-1818](#)^[#8], konfirmert Langestrand [12/5-1833](#)^[#3]. **Anne Sophie**^B f 9/6-, dpt Langestrand [17/9-1820](#)^[#7], konf Langestrand [6/12-1835](#)^[#1]. **Aletta**^C f 11/2-, dpt [27/4-1823](#)^[Hside, nedst], konf [8/10-1837](#)^[#2]. **Ellen Severine**^D var f 286-, dpt [15/9-1825](#)^[#8] og døydde av «*Brystsyege*» [27/7-1837](#)^[#2], gravlagd ved Langestrand krk. 2/8 s.å. **Anne Sicilie**^E var f 19/5-, dpt [28/9-1828](#)^[#9], døydde av *Mæslinger* [6/10-1829](#)^[#9], gravl Langestrand 12/10 s.å. **Christoffa Caroline**^F f 25/10, dpt [5/12-1830](#)^[#1], konfirmert Langestrand [12/10-1845](#)^[#2]. **Oluf Ferdinand**^G f 21/1-, dpt Langestrand [6/4-1834](#)^[#6], død [20/3-1840](#)^[#5], gravl 27/3 s.å. og til sist **Birtine Cicilia**^H f 6/10-1836, dpt Langestrand [8/1-1837](#)^[#1], konf Langestrand [5/10-1851](#)^[#10].

Madame Elen Sørum døydde i Langestrand [27. januar 1850](#)^[#3], 55 år gamal. Gravferd var 5/2 s.å.

Anne Sophie^B gifta seg i Langestrand [25/4-1840](#)^[#3] med skreddar **Theodor Olsen**. Han var dpt i Fredrikshald(Halden) 16/8-1815 og konfirmert i [Berg krk. 6/5-1832](#)^[#58]. Det er ved konfirmasjonen notert at foreldra heiter [Ole Eriksen](#) og [Marthe Svendsdtr.](#) Paret er ikkje å finne ved FT1865.

Veslesyster **Christoffa Caroline**^F let seg leite opp i [FT1865](#). Ho vart gift i Langestrand krk. [17/3-1861](#)^[#2] med smed **Johan Jacob Hansen**, son til Hans Ivarsen. Han er ved giftarmål 37 år gamal. *Født i Slemdal – opholder sig i Langestrand.* Eg undrast på om det er han vi finn konfirmert i Siljan [22/10-1838](#)^[#1]. [FT1875](#) syner ektefolka busette i Langestrand, gaard nr 83 i Larvik prgj.

Enkjemann **Isak Sørum** gifta seg oppatt [18/6-1856](#)^[#1] med enkje **Elen Johanne Jacobsdtr.** Ho var dotter til [Jacob Tolvsen](#) (Bakke) og [Marie Gundersdtr](#) – dpt i Larvik [19/5-1811](#)^[#22]. Dei budde, som før nemnt, ved [FT1865](#) i Larvik prgj.

Aletta^C gifta seg [6/10-1844](#)^[#5] med smed ved [Fritzøe walseværk](#) **John Pope**. Han var f ikr 1820 i England (Kichs Minse). Forlovarar var *Carles Pope* og *Joseph Norton*.

Peder Juul^A vart skomakar slik far hans var. Han fann seg ektefelle frå [Fredriksværn. 12/11-1840](#)^[#22] vart han gift med *Jomf L.*(ovise) **Fredrikke Stordalen**. Ho var konfirmert i [Fredriksværn krk 10/4-1836](#)^[#8]. Ved konf. er det skrive i Ministerialboka at ho er fødd 18/12-1821 og at foreldra hennar var *maskinist* [Anders Petersen Stordalen](#) og [Pauline Olsdtr.](#)

Paret vert foreldre til sonen **Adolph Emanuel Ingvard**^{AI} f 16/5-, dpt i Fredriksværn krk. [13/6-1841](#)^[#28]. Han er ved [FT1865](#) *ugift, Sagmester* på [Østre Halsen](#) i Tjølling. Han gifta seg [6/4-1866](#)^[#6] med *pige* **Maren Olea Hansdtr**, *født paa Kjøndal*. **Maren Olea** var dotter til *gaardmand* [Hans Andersen Kjøndal](#) og [Helene Olsdtr](#), ho var f 3/1-, dpt i Tjølling krk [27/2-1842](#)^[#6] og konfirmert i Tjølling [30/3-1856](#)^[#7].

Sonen **Hans Fredrik**^{AI1} vart f i Halsen, Tjølling 7/3-, dpt Tjølling krk [29/3-1869](#)^[#22], konf [Tanum krk. 4/10-1883](#)^[#6]. **Peter Oluf**^{AI2} vart f på [Asmundrød](#) 10/4-, dpt Tjølling [20/5-1872](#)^[#36], konf Tanum krk. [10/10-1886](#)^[#20]. - **Adolf E**^{AI} **Sørum** kjøper garden [Foldvik mellem \(matr.no.28\)](#) i Tanum sokn, Brunlanes. Garden er nemnt i «*Brunlanes, en bygdebok*» bd 3.1, [side 182](#).



Frå «Norske gardsbruk, Vestfold fylke» (1947), bd. I, [side 314](#).

Etter at familien har flytta til Foldvik kjem desse borna til verda: **Anders Martin** [A13](#) f 13/5-, dpt [11/7-1875](#)[\[#9\]](#), konf [13/10-1889](#)[\[#13\]](#). **Carl Johan** [A14](#) f 2/10-, dpt [25/12-1877](#)[\[#T20\]](#), konf [25/9-1892](#)[\[#7\]](#). **Jacob Christian** [A15](#) f 6/5-, dpt [20/6-1880](#)[\[#18\]](#), konf [23/9-1894](#)[\[#17\]](#). Til sist kjem einaste dotter, **Hilda Marie** [A16](#) f 6/2-, dpt [13/4-1884](#)[\[#13\]](#), konf [9/10-1898](#)[\[#19\]](#).

Familien er registrert på Foldvik ved [FT1891](#) (Husliste, Personskjema [f.o.m.](#), [t.o.m.](#)) og [FT1900](#). **Adolf Emanuel Sørum** [A1](#) døydde i Foldvik [31/1-1906](#)[\[#1\]](#) og vart gravl ved Tanum krk. 7/2 s.å. Teljinga [1910](#) syner at **Marie**, **Petter**, **Kristian** og **Hilda** busette i Foldvik saman med tenestegut Samuel Kaspersen.

Hans Fredrik [A11](#) gifta seg i Tanum krk. [26/6-1896](#)[\[#4\]](#) med **Anna Fredrikke Folvig**. Ho var f 27/7-i [Folvig mellom bnr. 7](#), dpt [6/9-1872](#)[\[#T42\]](#), konf [9/10-1887](#)[\[#10\]](#). Ho var dotter til **Hans Kristian Fredriksen** og **Elen Gurine Andersdtr** på Foldvik mellom gnr. 28/4. Personseddel for [FT1891](#). Ved [FT1900](#) finn vi *Styrmand* **Hans Fredrik Sørum** [A11](#) med familie busett i [Bryggevej](#) 34 i Fredriksværn. Borna er **Asta Marie** [A111](#) f 23/5-, dpt Tanum krk [26/6-1896](#)[\[#20\]](#), konf Tjølling [9/10-1910](#)[\[#34\]](#). **Helga Emilie** [A112](#) f 7/6-, dpt Stavern [8/7-1900](#)[\[#6\]](#), død [9/5-1901](#)[\[#7\]](#), gravl Stavern 12/5 s.å. **Halfdan Magnus** [A113](#) f 26/2-, dpt Fredriksværn [19/5-1902](#)[\[#2\]](#), konf Tjølling [24/9-1916](#)[\[#50\]](#). **Fredrik Adolf** [A114](#) f 30/8-, dpt Fredriksværn [27/9-1903](#)[\[#19\]](#), konf Tjølling [6/10-1918](#)[\[#18\]](#). **Harald Amandus** [A115](#) f 6/2-, dpt Fredriksværn [6/5-1906](#)[\[#111\]](#), konf Tjølling [3/10-1920](#)[\[#35\]](#). Då **Sverre Olav** [A116](#) vart fødd 15/5- var familien flytta til Syrrist gnr 83/3 i Tjølling. Guten vart døypt i Tjølling krk [18/7-1909](#)[\[#23\]](#), konf [7/10-1923](#)[\[#25\]](#). Familien er i [FT1910](#) buesette på Syrrist gnr 83/3.

Asta Marie [A111](#) gifta seg [9/7-1921](#)[\[#11\]](#) i Tjølling krk med **Gunvald Marius Syrrist**, son til gbr **Gustav Gulliksen** og **Severine Amalie Sørensen**, f Syrrist 11/5-, dpt Tjølling [15/6-1890](#)[\[#30\]](#), konf [2/10-1904](#)[\[#28\]](#). Han er ved [FT1900](#) og [FT1910](#) busett på Syrrist gnr 83/5 i Tjølling. **Asta** og **Gunvald** vert m.a. foreldre til sønene **Gudmund Syrrist** [A1111](#) f 30/6-, dpt Larvik [11/8-1923](#)[\[#0\]](#). og **Gunnar Syrrist** [A1112](#) f 18/1-, dpt Langestrand [7/3-1926](#)[\[#0\]](#).

Halfdan Magnus [A113](#) vart iflg. ei [nettside hjå «dinslekt.no»](#) gift med Thora Johansen. «[Matrikkelutkastet av 1950](#)» syner **Halfdan Sørum** som heimelshavar til *Foldvik mellom* gardsnr 28/2 og 28/3 og Foldvik vestre gardsnr 27/2 i Brunlanes herad. Hjå DISgravminner, Tanum kyrkjegard (Larvik) finn ein **Halvdan Sørum** med gravferdsdato [15/7-1968](#) og **Thora Sørum** gravferd [28/10-1993](#). Farbror til **Halvdan**, **Peter Oluf** [A12](#) **Sørum**, kviler på same gravnummer. Han [døydde i 1951](#).

Det ser ut til at **Anders Martin** [A13](#) reiste til USA. Ein **Andrew Martin Sørum** f May 13, 1875 døydde [10/11-1955](#) og er gravlagd på [Lakewood Cemetery](#) i Minneapolis, MN. Han kviler saman med **Jennie A Sørum** f. Reiersen (1877-28/9-1968). Ancestry.com syner ei dotter, **Marguerite Adelaide Sørum** (5/9-1900 – 30/7-1919).

Broren **Carl Johan** [A14](#) tek også turen «over dammen». *Ugift Snedker Carl Johan Sørum* reiser frå Larvik [24/3-1902](#) med reisemål Chicago. Han vert gift med **Jenny Mathilde Hansen**. Familien kjem attende til Larvik, dei er ved [FT1910](#) busette i Nygate 1. Sonen **Arnold Henry** [A141](#) var f i Chicago 21/5-1906 og konfirmert i Larvik [4/12-1921](#)[\[#5\]](#). **Ruth Mildred** [A142](#) va f i Chicago 23/11-1907 og konfirmert i Larvik [13/3-1923](#)[\[#9\]](#). Ho tek turen attende til USA [2/2-1927](#) - «*Reiser til sin onkel*» seier merknaden. **Ester Margot Sørum** [A143](#) f 3/12-1910, dpt [22/1-1911](#)[\[#4\]](#) vart gift i Tjølling krk [29/11-1838](#)[\[#38\]](#) med *kjøbmand* **Gunvald Hybbestad.**, f 3/12-1910, dpt Tjølling krk. [22/1-1911](#)[\[#4\]](#) son til bankdirektør Thore Hybbestad og Marie Abrahamsdtr. Berge. **Carl Johan** [A14](#) vart gravl. [26/6-1945](#) og **Jenny Mathilde** [23/3-1965](#).

De kan lesa om Sørum trevare, starta av *Carl Johan Sørum* i 1912 [her](#) og [her](#).



Tipptipptipoldebarna til Isak Sørum styrer no www.sorumtrevare.no

Bertine ^H **Sørum** gifta seg i Larvik [11/2-1859](#)^[#10] m skomagermester **Engebret Mikkelsen** frå Lardal. Tru om han hadde vore læredreng hjå Isak Sørum? -

Bertine ^H og **Engebret/Ingebret(h)** fekk dottera **Annette Eleonore** ^H. Ho vart f 28/9-1859, dpt [13/5-1860](#)^[#77] konf [12/4/1874](#)^[#24]. **Josephine Cathinka** ^H f 30/1-, dpt [21/4-1862](#)^[#48]. **Isaak Michael** ^H f 21/11-1864, dpt [7/5-1865](#)^[#69]. **Engebret Michael** ^H f 6/2-, dpt [28/6-1868](#)^[#104] konf [1/10-1882](#)^[#37]. **Johan William Oscar** ^H f 4/3-, dpt [2/7-1871](#)^[#104]. **Sigurd** ^H f 8/1-, dpt [23/7-1874](#)^[#149]. **Christian August** ^H f 27/4-, dpt [12/11-1876](#) ^[#263], **Anna** ^H f 3/6-, dpt [18/11-1883](#)^[#361].

Bustadadresse var ved [FT1865](#) Gaard nr. 225 i Larvig prgj., same adresse også i [FT1875](#). Skovgaden 225 var adresse i [FT1885](#) medan Skovgaden 6 i «Byen» var bustad i [FT1891](#) og [FT1900](#). Teljinga i [1910](#) syner at **Bertine-** ^H og **Anna** ^H **Michelsen** då budde i Øvre Torvgade 6.

Skomakar **Ingebret Mikkelsen** døydde av *Apoplexia cereb* [24/4-1909](#) i Øvre Torvgt 6. Han vart gravl. 1/5 s.å. - *fra kapl kl. 1.* Enke **Bertine Cecilie** ^H **Mikkelsen f Sørum** døydde i øvre Torvgade 6 [6/1-1919](#)^[#5]. Ho vart gravlagd «*lørdag 11/1 kl. 1 3/4 fra kapellet*».

Underkanonér **Harald Paulsen** frå Fredriksværn hadde nok «gjort *sine hoser grøne*» ei tid innan november 1885. Han vart gift i Larvik med **Annette Eleonore** ^H. [15/11-1885](#)^[#71]. Ved [FT1885](#) bur dei i Skovgaden nr. 225 i Larvik kjøpstad., i [FT1900](#) er adressa [Carljohansværn](#), *barakke B* i Horten ladested. Yrkestittelen til husfaren var då «*Overkanoner i Marinen*» Ti år seinare, [FT1910](#), har familien tilhald i «*Almindelig vaaningshus, Barakke for statsfunktionerer*», på Carljohansvern i Horten.

Alle borna er fødde, døypte og konfirmerte i Horten: **Harald** ^H f 9/8-, dpt [4/9-1887](#) ^[#82], konf [6/4-1902](#)^[#4]. **Halfdan Erling** ^H f 16/9-, dpt [6/10-1889](#)^[#72], konf [4/10-1903](#)^[#15]. **Berta Eleonore** ^H f 1/3-, dpt [10/4-1892](#)^[#28], konf [6/10-1907](#)^[#2]. **Ragnvald** ^H f 14/6-, dpt [5/8-1894](#) ^[#67], konf [18/4-1909](#)^[#17]. **Hjalmar Mikael** ^H f 1/3-, dpt [7/5-1899](#) ^[#41], konf [6/12-1914](#)^[#13].

Hjå DISgravminner finn ein at **Harald Paulsen** døydde i 1931, i Apotekergt. 5. Klokkarbok nr.9 for Horten syner at han var *gift, fhv. Arsenallojtnant* og døydde [15/6-1931](#)^[#20], gravl./jordfesta 20/6 s.å. **Annette Eleonore** ^H døydde i 1949, **Berta Eleonore** ^H døydde [24/10-1971](#) og **Hjalmar Mikael** ^H døydde [18/10-1968](#). I same gravstad kviler **Ester Paulsen** [13/10-1901](#) – [25/3-1976](#). - Ho kan ha vore gift med **Hjalmar Mikal**.

Christian August ^H vart skriven *Elektriker ved telefonselskap* med adresse *Skovgade 6* då han [29/9-1900](#)^[#8] gifta seg med **Maren Johanne Thomesen**, f 10/6-, dpt Larvik [9/8-1874](#)^[#159] i Larvik. Ho var dissenter og ikkje konfirmert. Ho var dotter til maskinarbeidar **Johan Oluf Thommesen** og **Inger Marie Jakobsen**. Familien budde ved [FT1875](#) i gaard nr. 81 c i Langestrand.

Einar ^H f Haraldsgt 4 [29/3-](#), dpt Larvik krk. [12/5-1901](#)^[#25], konf [14/5-1916](#)^[#21]. **Ingeborg Johanna** ^H f Rosendalsgd 5 [26/5-](#), dpt Langestrand krk. [29/6-1902](#)^[#15], konf [30/5-1917](#) ^[#1] **Birgit** ^H f 23/9- Rosendalsgate 4, dpt Langestrand [4/12-1904](#)^[#31], konf [7/12-1919](#)^[#19]. **Nore** ^H f 15/6-, dpt Langestrand [19/7-1908](#)^[#22], konf [13/5-1923](#)^[#32]. **Kristian Sverre** ^H f Rosendalsg 4 [30/7-](#), dpt Langestrand krk. [3/10-1909](#)^[#17] .

Familien budde ved [FT1910](#) i Stengaten 4 i Larvik kjøpstad.

Svigermoderen frå Valdres

Mor og son reiste frå Vang i Valdres til Borre i Vestfold

«Karlen er født i Berg præstegjeld i Smaalehnene, pigen i Wangs præstegjeld i Walders» - det seier merknaden i ministerialboka for Borre i Vestfold om paret som gifta seg [12/10-1828](#)^[#12]. Pigen det her er tale om, ho heitte **Dorthe Andersdatter Belsem**, var 37 år gamal og hadde hatt «*naturlige kopper*». Vi finn henne døypt i Vang prgj. [13. august 1789](#)^[Vside,6.ovanfrå]. Foreldra er skrivne Anders Gulliksen Bælsom og Berit Johansdr., faddrane kjem frå Gifre, Remen, Jevne og Torpe. **Dorthe** budde ved [FT1801](#) saman med foreldra, fire brør og to systre på Belsem(Belsheim).

[20/11/1814](#)^[#6] fekk den *uægte* guten **Guttorm Erichsen** heimedåpen *confirmed* i Hurums Annex kirken. Mora var **Dorthe Andersdr Bæsem**, faren var **Erich Guttormsen Oldre**, *Ungkarl, ikke militair*. «*Gardar og slekter i Vang*» band B nemner **Guttorm** på [side 86](#) og mora **Dorthe** på [side 457](#).

Så har **Dorthe** pakka reisesekken, teke med sonen og lagt ut på ein lang tur. Eg fann henne att som brur, i Borre i Vestfold, år 1828. Eg undrast på om brudgommen kan vera han som i Berg krk. 10/2-1793^[Hside,3.ovanfrå] fekk namnt **Hans**, fødd på Ugeestebye (sjå:Norske Gaardenavne), Asak sokn - med foreldre Mathias Sørensen og Kirsti Oudsdr. Familien budde ved [FT1801](#) på Berger 1/2 Gaard i Aremark.

Guttorm Erikson sto til konfirmasjon i Borre krk. [14/6-1829](#)^[#20]. Det er notert at han var «*født i Vangs præstegjeld i Walders er 14 aar*» og «*Vaccineret: af pastor Suur*».


Dorthe og **Hans** vart foreldre til **Berthe Andrea** ^A f 27/8-, dpt [31/8-1828](#)^[#23], konf [11/6-1843](#)^[#7]. **Mathias** ^B f søndre Braarud 23/1-, dpt [13/2/1831](#)^[#17]. Tvillingane **Hans** ^C og **Anders** ^D f Fjugstadeie 22/2-, dpt [9/3-1834](#)^[#17&18].

Berthe Andrea ^A gifta seg i Borre krk. 11/12-1858^[#40] med **Hans Eriksen**. **Hans** var f 22/9- på Steenbryggen, plass under Borre prestegard, døypt [20/10-1822](#)^[#39], konf [11/6-1837](#)^[#14]. Foreldra hans var Erik Olson og Mari Hansdr.

Hans og **Berthe Andrea** ^A fekk desse borna: **Erik** ^{A1} f 15/9-, dpt [3/11-1859](#)^[#229], konf [7/6-1874](#)^[#21]. **Mathilde Fredrikke** ^{A2} f 2/3-, dpt [31/3-1861](#)^[#59], konf [6/6-1875](#)^[#40]. **Mathias Albert** ^{A3} f 23/8-, dpt [20/9-1863](#)^[#165], konf [2/6-1878](#)^[#12]. **Hans Edvard** ^{A4} f 30/10-, dpt [10/12-1865](#)^[#226], konf [6/6/1880](#)^[#18]. Familien vart registrerte med bustad Stenbryggen ved [FT1865](#). Tittellina i denne stubben er henta frå teljeskjema.

Husmannsenkje **Dorthe Andersdr** døydde [17/2-1879](#)^[#5] på Stenbryggen. Ho vart gravlagd/jordfest ved Borre krk. 25/2 s.å.

Mathilde Fredrikke ^{A2} gifta seg i Borre krk. 21/3-1883^[#6] med tenestedreng på Sanne Kristian Ludvig Olsen. Han var f 29/3-1858 på Slebak i Rakkestad, dpt [18/4 s.å](#)^[#74] og konfirmert i Rakkestad krk. 5/10-1873^[# 81]. Foreldra er skrivne Ole Torstensen og Marie Andersdr. - [FT1891](#) (Husliste og personskjema 1, 2) syner at **Kristian Ludvig** er «*Graver ved Borre kirkegaard, dagarbeider, væsentlig sysselsat med jordarbeide*». **Gina Olsdr** f 1884 i Solør er *logerende*. I [FT1900](#) er bustaden kalla Stenbryggen Nr 3. [FT1910](#) plasserer ektefolka som gardbrukarpar på Vestby, gnr 15/6 i Borre. «*Se eiendom*» har adresse Steinbrygga 55 for denne eidedomen. **Kristian Olsen** fekk *skjøte tgl* [16/8-1903](#).



Postkort Borre krk.



Erik A1 gifta seg i Borre krk. 13/3-1886[#6] med **Anne Sofie Andersdtr.** Ho var f på **Aasgaarden** i Borre 28/11-, dpt 26/12-1855[#262] og konfirmert 12/6-1870[#52]. Foreldra hennar er skrivne *sømand* **Hans Andersen** og **Sophie Torbjørnsdtr.**

Anne Sofie og **Erik A1** fekk borna **Harald Adolf A11** f3/8-, dpt 30/10-1887[#26] og **Einar Andreas A12** f 7/11 på Kirkebakken gnr 10/17, dpt Borre krk. 11/12-1892[#24]. Sande vestre gnr. 15/1 er bustad ved FT1891. (Husliste55, Personskjema 1, 2, 3). - FT1900 plasserer familien på Kirkebakken(Toen, Vasmarken) gnr. 10/17 medan FT1910 har foreldra og **Harald Adolf A11** registrert med bustad Solheim gnr 13/3 i Borre.

Hans Edvard A4 var ved FT1891 registrert på Stenbryggen. Han tok storebror **Erik A1** som rollemodell – og gifta seg med ei yngre syster av svigerinna **Anne Sofie. Hilda Andersdtr** var f på Stenbryggen 8/8-.dpt 20/10-1867[#64], konfirmert Borre krk. 21/5-1882[#38]. **Hilda** og **Hans Edvard A4** gav ekteskapslovnad i Moss krk. 22/9-1893[#14] og «meddelelse vart sendt til Borre sgpr 23/9 93» - som *noterer ekteskapet* i ministerialboka for Borre.

Hilda og **Hans** får desse borna: **Beata Sofie A41** f3/6-, dpt 8/7-1894[#17]. **Ebba Helene A42** f 30/10-, dpt 25/12-1895[#25]. **Magdalene A43** f 11/5-, dpt 6/6-1897[#6]. **Arnt Henry Sten A44** f 9/4-, dpt 7/5-1899[#14], død av tæring 2/9-1902[#12] på Stenbryggen, gravlagd ved Borre krk. 6/9 s.å. **Ada Leonore A45** f 4/10-, dpt 10/6-1900[#12]. Familien er ved FT1900 registrert med adresse Stenbryggen 2

Gårdbr. **Hans Edvard A4** Hansen døydde på Stenbryggen 28/6-1902[#10] og vart gravlagd ved Borre kyrkje 2/7 s.å.

Magdalene A43 gifta seg i Borre krk. 25/10-1919[#11] med fyrbøtar **Torstein Eriksen** frå Horten. Han var son til *skipstømmermann* **Martenius Eriksen** og **Karoline Marie f.Olsen**, fødd i Horten 28/4-, dpt 10/6-1894[#43], konf Horten 18/4-1909[#48]. DISgravminner syner ein sletta gravstad registrert med **Magdalena Eriksen** f 11.05.1897.

DISgravminner og *Billiongraves.com* syner ein gravstein frå **Sem kyrkjegard**, Vestfold – med namna **Ebba Helene A42** *Hesby* f **Hansen** 30/10-1895 – 28/6-1976 og *forretningsfører* **Hans M Hesby** 11/11-1886 – 20/10-1938. Han var dpt i Sem krk. 5/12-1886[#20], konf 14/4-1901[#3]. FT1910 syner han busett på Hesby, mellom og nordre gnr. 38/4 i Sem herad. Sjå også bruk 4 i *sem_slagen/gaardshistorie*.

«Dagarbeider for Stadsingeniøren»

Ved [FT1875](#) har **Johannes Nielsen** f 1851, *Søndre Aurdal Valder* fått ovannemnde yrkestittel. No har det vel snike seg inn ein feil her ... Om ein byter ut *Søndre* med *Nordre* er ein nok nærare sanninga.. Eg trur **Johannes** var fødd 21/2- og døypt i Ulnes kyrkje [21/4-1851](#)^[#16]. **Johannes** var konfirmert i Ulnes [2/7-1865](#)^[#16] og vart registrert ved [FT1865](#) saman med mor si, **Guri Knutsdtr** (død1866), busette på *Ulnæspladsen* i Nord-Aurdal. Far til Johannes var **Nils Jørnson** (1809-1855), son til **Jørn Hilme**.

Johannes gifta seg i Larvik [3/5-1874](#)^[#57] med *Pige Mathilde Lovise Lauritsdtr Steen*, 22 Aar. Ho var f 1/3-, dpt Langstrand krk. [1/8-1852](#)^[#41], dotter til *matros Lauritz Steen* og *Frederikke Andersdtr*. [FT1865](#) fortel at ho er pleiedotter hjå *vognmann* Nils Hansen og kona Anne Marie. **Mathilde** vart konfirmert i Larvik [30/9-1866](#)^[#24].

Mathilde og Johannes vart foreldre til ei jente 3/5-1873. Ho fekk namnet **Augusta Frederikke** ved dåp i Larvik [8/11-1874](#)^[#94].

[FT1900](#) syner at ugift *stenhugger Johannes Nils. Ulnæs* f 1851 i Nordre Aurdal Krs er *Straffange* ved Sarpborg Distriktsfengsel i *Sannesundgate*. Ti år seinare, i [FT1910](#), er han registrert som *Omreisende spillemann*, ugift, med midlertidig opphald på *Mæren søndre*, gnr 75/1 i Lier herad.

Alderdomssvakhet er skrive i rubrikk for *dødsarsag* i klokkeboka for Skedsmo. Ugift, *landeveisfarende spillemann* med *offentlig understøttelse*, **Johan Nilsen**, f 1852 i Nordre Aurdal, Valdres, døydde på *Pleiehjemmet, Skedsmo* 1/3-1922 og vart gravlagd ved [Skedsmo krk.](#) 4/3 s.å.



Her er eit lite utval av valdrisar og folk frå USA med slektsrøter til Jørn Hilme ved «Hilmesteinen» på Valdres folkemuseum.

«Før i heile vinter har eg vore med og rydda veg»

men det er ikkje [Ola Tveiten](#) stubben handlar om


Vegarbeidar i Numedal, på Hadeland og i Vestfold

[Innflyttar nummer 3](#) til [Svene sokn](#) i [Flesberg](#) i året 1879 er skriven *Veiarbeider Svend Amundsen Hoverud*, fødd 1851 og innflytta frå *nordre Aurdal*. Han er busett på Foss. Framfor han i lista, også busett på Foss er husmannsdottera *Synnøve Thorsd Hansemoen*, f 1859 – innflytta frå *Næs i Hallingdal*. [6. desember 1879](#)^[#11] vart *Synnøve* og *Svend (Svein)* gifte i [Flesberg krk.](#)

Synnøve var dotter til [Margit Larsdtr](#) og [Tor Knutson Hansemoen](#). Ho var f på Brenno 16/9-, dpt i Nes krk. [9/10-1859](#)^[#118] og konfirmert [7/6-1874](#)^[#25]. [FT1865](#) plasserer familien på Hansemoen.

Svein kom til verda i Hovrud 18/12-1851, dpt i [Svenes kyrkje 1/2-1852](#)^[#4], konf [1/7-1866](#)^[#7]. Han var son til husmannsparet [Amund Sveinson](#) (1830 - 1885) gift [6/12-1851](#)^[#3] med [Gunhild Jonsdtr](#)(1829 - 1879). [Hovrud](#) lno 216 er adressa familien fekk ved [FT1865](#).

Synnøve og *Svein* hadde nok starta samlivet innan dei kom til Numedal. Sonen **Thorvald** ^A var fødd på [Fosplads](#) i Svene 24/9- og var dpt i [Svene krk. 26/12-1879](#)^[#16], konf [Vassås krk.](#), Hof [1/10-1893](#)^[#3]. Innan **Anton** ^B kom til verda, på [Kjos](#) i Brandbu, 27/6-1881, hadde dei flytta til [Hadeland](#), der faren er skriven *Inderst, Veiarbeider*. Guten vart døypt i [Nes krk.](#) i Brandbu [17/7-1881](#)^[#24] og konfirmert i [Borre krk 6/10-1895](#)^[#32]. Då dottera **Marie** ^C vart fødd, 11/8-1883 var familien komme til [Opsal](#) i Hof i Vestfold. Ho vart døypt i [Hof krk. 2/9-1883](#)^[#20]. **Gustav** ^D vart fødd på [Gran i Andebu](#) 4/1-, dpt [Andebu krk. 31/1-1886](#)^[#1], konf [Sandar krk. 22/4-1900](#)^[#18]. **Severin** ^E f 10/10-, dpt [Arnadal krk, Stokke 4/11-1888](#)^[#14], konf [Sandar krk. 19/4-1903](#)^[#19]. **Sigrid** ^F f Berg, Hof 2/2-, dpt [Vassås krk. 27/3-1891](#)^[#3], konf [Sandar krk. 30/4-1905](#)^[#21]. - [FT1891 \(Husliste 51\)](#) syner at familien er busette på [Berg, gnr. 85/1](#) i [Hof kommune](#). Personsedlar: [frå og med](#) – [til og med](#).



Berg øvre, Berg S og Berg N ved Bergsvannet i Hof

Ingrid ^G f Solberg i Hof 12/12-1892, dpt [Vassås krk. 19/2-1893](#)^[#1], konf [Sandar 7/4-1907](#)^[#18]. **Bergljot** ^H f 15/4-, dpt [Nykirke, Borre 3/9-1895](#)^[#5]. **Harald** ^I f 17/11-, dpt [Nykirke 26/12-1897](#)^[#12]. **Astrid** ^J f [Vestad i Sandar](#) 18/4-, dpt [Sandar 22/5-1899](#)^[#31]. - Familien har ved [FT1900](#) adresse [Vestad gnr. 84/1](#) i Sandar. ([seeiendom.no](#) gjev adresse i 2016 til Lahelleveien 124, 3218 Sandefjord)

I det nye hundreåret kjem tre nye born til verda: **Asbjørn** ^K f [Vestad 15/2-](#), dpt [Sandar 8/4-1901](#)^[#20]. **Syneva** ^L f [Vestad 14/1-](#), dpt [Sandar 1/3-1903](#)^[#7] og **Hjördis** ^M f [Vestad 27/4-](#), dpt [28/8-1904](#)^[#52]. Ektefolka fekk såleis tretten born, og «banka» banevokterfamilien i førre stubb med eitt

[FT1910](#) fortel at familien no bur i [Prinsens gate 26](#) i Sandefjord kjøpstad. Svein er no #Veiarbeidsformand». Han er også med i [1910-teljinga](#) for [Vestrum](#)rønningen færgestedet gnr 75/7 i Hedrum. Sonen **Asbjørn** er med far sin.



DISgravminner syner at **Synnøve Amundsen** vart gravlagd [3/3-1936](#) medan **Svein Amundsen** vart gravlagd. [4/5-1942](#).



Båe kviler på på Sandefjord gravlund.

Thorvald ^A Svendsen finn vi ved [FT1900](#) som tenar hjå gardbrukarparet Arnt og Mathilde Andersen på [Adamsrød](#) gnr 127/2 i *Sem herred*. Her vart han kjend med **Sigrid Arntsen** ([#005](#)) frå

Kristiania, dei vert ektefolk i [Tønsberg krk. 18/8-1902](#)^[#36]. Sigrd var fødd i Kristiania 22/12-1885, dpt 7/2-1886 og konfirmert i Sem krk. [30/9-1900](#)^[#19]. Foreldra hennar var *handelsbetjent* [Oluf Arntsen](#) og [Mathilde Isaksdtr.](#)

Sigrd og **Torvald** vart foreldre til **Thordis** ^{A1} f Volden i [Oseberg](#) 13/1-, dpt [Slagen krk. 14/2-1904](#)^[#8] og **Valborg** ^{A2} f 5/5-, dpt Slagen krk. [20/6-1909](#)^[#20]. [FT1910](#) syner familien på Strand 127/3 i Sem.

Anton ^B bur ved [FT1900](#) i Roligheden gnr 34/2 i Hedrum. Vi finn at han vart gift i Tønsberg krk. [15/10-1906](#)^[#42] med **Lisa Marie Larsdtr.**, dotter til [Lars Andersen Aarholt](#) og [Trine Marie Olsdtr.](#) **Lisa Marie** var fødd på [Årholt](#) i Arnadal 4/9-, dpt [14/9-1879](#)^[#117] og konf i Andebu krk. [21/10-1894](#)^[#14]. Dei budde ved [FT1910](#) på Bøengen, Aasem gnr. 129,101 og 130/24 i Sem.

Lisa Marie og **Anton** døypte dottera **Signe Lovise** ^{B1} i Slagen krk. [10/10-1920](#)^[#42] (f. 9/9 s.å.)

Severin ^E står brudgom i Hedrum krk [13/6-1910](#)^[#6] . Brura heitte **Hulda Marie Antonsen**, ho var f i [Aasrum](#) i Hedrum 28/11-1890, dpt i Hedrum krk [1/1-1891](#)^[#1] og konfirmert i Hedrum [1/10-1905](#)^[#23]. Ho budde ved [FT1900](#) saman med faren, enkjemann [Anton Nielsen](#) og brørne Peder og Thor, på Aasrum gnr 72/9 i Hedrum. Mor hennar, [Inger Martinsdtr.](#), døydde på Aasrum [6/7-1898](#) ^[#15] , gravl 12/7 s.å.

[FT1910](#) plasserer **Hulda Marie**, **Severin** ^E og sonen **Martin** ^{E1} på Strand gnr 127/3 i Sem.

I Sandar Ministerialbok nr. 14 [side 91](#) er det notert i merknadsrubrikken til dåp av **Asbjørn** ^K : «*Justisdep' bevilling av 1/6-53 å anta Ramøy som slektsnavn (istf. Svendsen)*» - Ut frå dette vil eg tru at det er **Asbjørn** ^K vi finn hjå DISgravminner, død 1990, gravl. Søndre Slagen [5/6-1990](#). I gravnummeret attåt (#25) kviler **Agathe Ramøy** 5/2-1906 – 1993, gravl [14/7-1993](#). Ho var fødd på [Ilebrekke](#) 5/2-1906, døypt i Slagen krk. [4/3-1906](#)^[#10] med foreldre gbr. [Hans Kristiansen](#) & hstr. [Gjertine Marie Gustavsdr.](#) - [FT1910](#) plasserer **Agathe** på Tein gnr 97/15 i Sem.

Gartner i Stavern (Fredriksværn)

Ved [FT1865](#) finn vi **Iver Thronsen**, 56 år gamal – fødd i *Walders*, busett i Fredriksværn – saman med kona **Sophie Frederikke** f Dirichs. Dei har borna **Axeline Hansine Marie** f 4/6-1846, dpt [4/1-1847](#)^[#2], konf [7/4-1861](#)^[#3]. **Ingvald Frederik** f 17/1-, dpt [4/9-1849](#)^[#23] og **Anna Caspara** f 5/6-, dpt [26/10-1861](#)^[#38], konfirmert i Fredriksværn krk. [22/4-1866](#)^[#4] .

Eg vil tru det er **Ivar Trondson** vi finn fødd på Steindeeige 9/2-, dpt i [Ulnes kyrkje. 18/2-1810](#)^[Vside,nedst], konfirmert Ulnes krk. [1/8-1824](#)^[#6]. Foreldra hans var *sergeant* [Trond Trondson](#) og [Kristiana Andersdtr.](#) **Ivar** fekk [20/5-1830](#)^[#3] utflyttingsattest med reisemål Kristiania.

Sophie Frederikke finn vi som konfirmant i Larvik [13/5-1827](#)^[#5]. Oppgjeven fødselsdato er her 8/7-1812 og foreldre er skrivne skibscapt [Caspar Frederik Dirichs](#) og [Anne Sophie Andersen](#). Om det er samband mellom Caspar Fredrik og «[Fyr-Diriks](#)» kjenner eg ikkje til.

«Skrædderarbejder. Medlem af den jarlsbergiske Frimenighed»

Så er det skrive i Ministerialbok nr. 4 for Holmestrand i samband med dødsfallet til **Ole Eriksen Hagen**, fødd *Vestre Slidre, konf ibidem* 25/5-73. **Ole Eriksen** døydde [15/9-1883](#)^[#13], gravl 20/9 s.å. - På same side finn vi sonen: **Barn Magnus Edvard Olsen**, f 16/1-1883, død [9/7-1883](#)^[#6], gravl. 15/7 s.å.

Sidan kyrkjeboka oppgjev at **Ole Eriksen Hagen** var fødd 16/7-1858, vil eg tru det er han vi finn døypt i Vestre Slidre prgj. [12/9-1858](#)^[#86], son til husmannsfolka **Erik Pederson** og **Turi Knutsdtr.** Han var konfirmert [25/5-1873](#)^[#9]. Familien budde ved [FT1865](#) i Røenshagen, løpenummer 181 i Reien teljekrins, Slidre sokn.

Om «*Jarlsbergiske Frimenighed*» kan de mellom anna lesa hjå [Store norske leksikon](#), [Wikipedia](#), '[historieblogg.no](#)' og i boka «[De bedrøvede menn](#)» hjå nasjonalbiblioteket.

Fødd i Øyebygden, husflidslærer i Aurskog, døydde i Holmestrand

Året [1863](#)^[#4 Ur] vart **Ola Torsteinson Øde** registrert som innflytta til Aurskog. Han var f på [Øe](#) 16/12- og dpt [26/12-1841](#)^[#105]. *Forældres fulde navn* var *Tosten Tostensen Øde* og *Sigri Olsdtr – Inderster*. **Ola** var konfirmert i Røn kyrkje [24/5-1857](#)^[#4].

Skolelærer var yrke ved [FT1865](#). Bustad var [Haneborg mellom](#), løpenr. 12 i Aurskog. **Ola** vart gift i [Aurskog krk.](#) [7/6-1866](#)^[#17] med **Anne Kristensdtr Halvorsrud**, dotter til grdm. **Christian Engebretsen Halvorsrud** og **Andrine Jørgensdtr.** - f [Skrepstad](#) (Skreppestad) i Høland 18/4-, dpt Høland krk. [28/4-1844](#)^[#51], konfirmert i Aurskog krk. [3/10-1859](#)^[#4]. Ho budde ved [FT1865](#) saman med foreldra og sysken på Myrvold nord. i *Urskaug* prgj.

Sonen **Tormod** vart f 22/6-1866 , dpt Aurskog [5/1-1867](#)^[#2]. Seretter kom **Kolbjørn** f *Nordli av Halvorsrud* 10/2-, dpt [3/6-1868](#)^[#29]. **Sverre** f *Nordli* 28/2-, dpt Aurskog [9/6-1870](#)^[#22]. **Olaf** f *Nordli* 9/6-, dpt Aurskog [25/8-1872](#)^[#?].

[18/2-1875](#)^[#8-13] er familien noterte som utflytta til Drammen. Dei er noterte med *Rebbensbakken* på Bragernes som adresse då dottera **Sigrid**, f 4/1-, vart døypt i Bragernes krk. [6/6-1875](#)^[#77]. *Øvre Brager næs gård nr. 92* er bustadadresse ved [FT1875](#). Sonen **Einar** vart f 19/3-, dpt Bragernes [14/4-1876](#)^[#62]. **Anne** f 12/4-, dpt Bragernes [19/5-1878](#)^[#61]. Yngstemann, **Guttorm**, vart f 20/3-, dpt Bragernes [28/6-1885](#)^[#87]. Dei er registrerte på Øvre Bragernes også ved [FT1885](#).

Forhenv.Husflidslærer, Pensionist **Ole Thorsteinsen Øde** er notert med *bopæl* Søgaden No 29&30 ved dødsfall [20/2-1895](#)^[utan nr.]. Dødsårsak er skrive *Mavesaar*. Gravferdsdato er notert (skotårsdag) 29/2-1892 – samt at han er «*Begraven i Urskaug*». Eg finn inga innføring i Aurskog. *Enkefru* **Anne Øde** døydde [9/2-1906](#)^[#2] i Bjerke, Vestre Bærum, ho vart gravl ved Aurskog krk. 17/2 s.å.

[FT1910](#) fortel at **Kolbjørn Øde** er *ugift, overretssagfører*, busett i Toldbodgate 25b i Kristiania. Systemer **Sigrid** er skolekjøkkenlærerinde, busett Rostad barnehjem på Inderøy, på [besøk hjå broren](#) i Kraa.



Utsikt mot søraust frå Semeleng – Øyebygdé nærast.

Sliper ved hvalfangststation

«*Hjertesygdom*» er dødsårsaka gjeve i kyrkjeboka for Nøtterøy ved innførsle av bortgangen til **Aslak Arnesen**, f 1867 i Nordre Aurdal, busett på **Haukemyr** i Nøtterøy, død 1/8-1916[#0] i **Liverpool**, gravlagd der 3/8 s.å.

Aslag, son til **Arne Syverson** og **Anne Olsdtr** var f på Bøeneige 12/8-, dpt **Reinli stavkrk.** 20/9-1867[#19] og konfirmert i Sør-Aurdal 22/4-1883[#10]. Han gifta seg i Gol krk. 22/3-1895[#1] med **Anne Bjørnsdtr**, f Berget, Gol 27/8-, dpt Gol krk. 7/10-1866[#82], konf Gol 24/8-1881[#23]. Foreldre: **Bjørn Anfinson** og **Kirsti Olsdtr**.

Anne og **Aslag** var busette i Veststringsbygden der dei fekk borna: **Kristi** f 9/11-1895. dpt Aurdal krk. 1/1-1896[#2], konf Holmestrand 23/4-1911[#0], død Tønsberg 20/10-1918[#25], gravl Tønsberg 26/10 s.å.. **Arne** f 3/7-, dpt Aurdal 12/9-1897[#20], konf Våle krk. 1/10-1911[#3]. **Emma** f 16/3-, dpt Aurdal 30/4-1897[#10] og **Asbjørn** f 25/8-, dpt Aurdal 6/10-1901 [#17].

Fødd i Svenes sokn flytta til Rjukan - døydde i Tønsberg

Hushjelp **Jenny Nesbakken** og *chauffør* **Erik Gustav Hildemar Karlsen** gifta seg i Tønsberg 21/9-1929[#69]. **Erik** var fødd i Bro sokn, Göteborgs Län i Sverige 18/1-1907. Ekteskapet deira vart ikkje langvarig. **Jenny** døydde i Tønsberg 21/5-1931[#35] og vart gravl. 26/5 s.å. Dødsårsak vart notert som *Tuberc. pulmon.*

Jenny var fødd på **Neseige** 8/11-, dpt i Strand krk. 31/12-1905[#9]. Foreldra hennar var **Ingrid Eivindsdtr** (15/11-1873 -) og **Martin O Næsbakken** (20/11-1874 – 26/12-1952). Dei var vigde i Strand krk. 8/10-1893[#4]. Familien budde ved **FT1900** på Næsbakken under gnr 66/2 i Nord-Aurdal. **Ti år seinare** finn vi familien busett på garden Pladsen i Tinn herad. Martin O Næsbakken er no «*Konduktør ved Rjukanbanen*»

På neste side skal vi sjå på folk frå Valdres med tilknytning til jarnvegsanlegg og -drift.

Ein kar som er retteleg god til å løyne identiteten sin – det er far til Martin Næsbakken, **Ola Pederson**. Då han gifta seg (som enkjemann) i Nord-Aurdal 12/7-1874[#24], **klokkarbok**[#2]; vart fødestad oppgjeve til Aamot i Østerdalen. **FT1875** seier han er f 1820 i Ringsaker, **FT1891** syner han fødd 1818 i Ringsaker. **FT1900** syner fødselsår 1816 og fødestad Hedemarken og då han døydde i 1901 vart fødestad skrive Ringsaker og fødselsår 1811.

Enkmnd, inderst, Ole Severin Pedersen, 47 år gml, gifta seg i Veldre krk. 15/2-1864 med Kirsti Olsdtr Nysæteren. Knappe to år seinare, ved **FT1865** var Ole, pussig nok, 45 år gamal. Sjølv om han bur oppi bygda «*der kjærringa er hest*» trur eg ikkje han evna å «skru tida attende» !

Slike luringar er ikkje lette å finna ut noko om, men i framtid vil kanskje DNA gi ein peikepinn.

Jernbanetelegrafist ved Statsbanene – busett i Tønsberg

Kongegate 4 i Tønsberg er adressa for ektefolka **Jon Knutsen Bakke** og **Helle Bredine Sørensdtr** ved **FT1910**. Dei har då borna **Ole**, **Margit** og **Eline**. - **Jon** er i 1910 **telegrafist** ved **Statsbanene**. Teljinga syner også at mor til **Jon**, **Marit Olsdtr**, er busett hjå familien.

Jon var fødd på Bakke i Lomen sokn 24/3-, dpt i Vestre Slidre 17/6-1879[#35] og konfirmert i Vang 7/5-1893[#1] (innførsle **V Slidre** [utan nr.]). Han var ved **FT1891** busett i **Bakke gnr 5/1** i Vestre Slidre saman med mor si, bestefar sin og morbroren Torger Olson med kone og fire born. - Far til **Jon** var **Knut Jonson Leirol** frå Vang (9/6-1859 – 29/6-1894). **Jon Knutson Bakke** var ved **FT1900** tilsett ved «*Jernbanen*» og busett i Ruseløkveien 59^B i Kristiania kjøpstad.

Valdrisar med tilknytning til jernbaneanlegg og drift ved folketeljningane 1865 og 1910

Frå teljinga [1865](#) fann eg berre **Henrik Olsen** frå «Urdal i Walders» 26 år gamal, *jernbanearbeider* og busett på Hanke og Hamonsløyken i [Skoger](#) prestegjeld. Dette synest vera son til husmannsparet [Ole Torgersen](#) og [Anne Olsdr Næss-Eie](#). **Henrik** var fødd 7/5-, dpt [2/6-1839](#)^[#28] og konfirmert [10/7-1853](#)^[#6].

Inger Olsdr, storesyster til Henrik, finn vi på same adresse ved [FT1865](#). Ho gifta seg i [Strømsgodset krk. 4/5-1855](#)^[#12] med arb. [Ole Andersen](#), 39 år gml.

Henrik Olsen gifta seg i [Norderhov krk. 10/2-1870](#) ^[#5] med **Olea Thorine Gudbrandsdtr** Gjeldeje. Familien budde ved [FT1900](#) på Sandløyken gnr. 45/26 i Norderhov. **Henrik** er no *jordbruger* og *Bane-formand* ved [Randsfjordbanen. FT1910](#) for Kvernbergsund, Ødegaarden og Sandløyken syner at **Henrik** var pensjonist medan sonen **Torleif** er smed ved *baneanlæg*.

Henrik døydde på Sandløyken, Ringvold [20/7-1916](#)^[#19], gravl. 26/7 s.å.

47 personar registrert med yrke som inneheld ordet «jernbane» ved FT1910
(sjå tabell på neste side)

Sør-Aurdal	Nord-Aurdal	Vestre Slidre	Øystre Slidre	Vang
4	16	14	6	3

Kvar held desse folka til ved FT1865:

Akershus	2
Kristiania	5
Hedemarken	2
Østerdalen	1
Buskerud	5
Vestfold	1
Telemark	1
Hordaland	1
Sør Trøndelag	1
Gudbrandsdal	4
Hadeland	4
Land	1
Valdres	13

attåt desse kan nemnast at det var ein «*sporvogns-konduktør*» busett i Kristiania.



Her finn vi tilsette ved jernbanen i 1910

Avvik mellom notert fødselsdato ved FT1910 og oppgeve i kyrkjebok

Av dei 45 personane registrert i tabellen på neste side har eg funne at 21 av dei er skrivne med ein annan fødselsdato i kyrkjeboka. **Dette gjev ein feilprosent på heile 46.7 !**
De kan lesa om [versjon 2](#) og [versjon 3](#) av [FT1910](#) hjå Digitalarkivet.

Personar der yrkesnemning inneheld ordet «jernbane»

1865 :

Navn	Fødselsdato	Fødested	Stilling og stand	Bosted
Hendrik Olsen	1840*	Urdal i Walders	ug Jernbanearbeider	Skauger: Hanke og Hamonsløyken

Frå folketeljningane 1900 og 1910:

Navn	Fødselsdato	Fd. KB	Fødested	Stilling og stand 1910	FT 1900	Bustad Ved FT 1900
Erik Svennæs	.06.1863	19/6-1862	NA	hf g formand ved jernbanen	1900	Sør-Fron
Nils Holland	14.09.1870		NA	hf g Kontorist jernbane	1900	Furnes
Erik Rudlang	15.12.1874		NA	søskende ug sporv. konduktør	1900	Kraa.
Ole Arnesen Braaten	06.03.1883	6/3-1881	NA	hf g jernbanearbeider	1900	NA
Thore T. Leira	03.06.1888	same	NA	Logerende ug Jernbanearbeider	1900	NA
Tore Tidemandsen Leira	1898!!	mann	NA	el ug jernbanearbeider		
Martin O. Næsbakken	20.11.1874		NA	hf g Konduktør Rjukanbanen	1900	NA
Nils Nilsen	01.07.1853		NA	hf g Jernbanevogter	1900	Brunlanes
Jul Haaverud	04.12.1858		NA	hf g Jernbaneformand	1900	Ringsaker
Knut Olsen Garlid	23.07.1869		NA	s ug jernbane- og veiarbeider	1900	NA
Tollef Knutsen	15.06.1875		NA	hf g jernbanevogter jordbruket	1900	NA
Ole Julsen	11.10.1875		NA	hf g Jernbanearbeider	1900	V Toten
Amund Hansen Sæter	29.11.1877		NA	svigersøn g jernbanearbeider	1900	NA
Olav Olsen Ton	17.12.1883		NA	l. ug arb statens jernbanlæg	1900	NA
Olaf Olsen	23.06.1886		NA	s ug jernbanearb	1900	NA
Johan H. Hilmen	05.04.1877		NA	hf g Jernbanearbeider	1900	NA
Gunnar Knudsen	04.09.1862		NA	fl e Jernbanearbeider	1900	VS,Vang
O. Th. Bøhm	15.09.1856	14/9-1854	SA	hf g Stationsmester og sergent	1900	Øvre Eiker
Anton M. Braaten	16.01.1865	12/1-1856	SA	hf e Jernbaneformand,Amerika		
Torvald Andreas Bøhn	07.11.1883		SA	el ug jernbanebetjent	1900	Øvre Eiker
Ola O. Hovi	17.03.1875	7/12-1874	VS	b ug lokomotivfører		
Knut Larsen Hande	01.01.1897	8/1-1879	VS	hf g Stationsbetjent (Vestb.)	1900	Kristiania
Ole Olsen Grefsrud	1880??01.22	10/9-1878	VS	hf g Anlægsarbeider Jernbanen	1900	Askim
John Knutsen Bakke	24.03.1879		VS	hf g Jernbanetelegrafist(Statsb)	1900	Kristiania
Ole Olsen	1883.17!!24	24/7-1883	Valders	el ug jernbanearbeider	1900	VS
Erik Dokken	18.11.1883	24/11-1883	Valdres	el ug Jernbanearbeider	1900	NA
Knut Torsen	01.07.1884		Valdres	hf g jernbanearbeider	1900	NA
Ole Andreas Hansen	27.09.1888	7/10-1888	Valdres	s ug Jernbanearb., tømmerh	1900	SA
Vilhelm Lund	25.05.1862		V	hf g Stationsmester	1900	Bergen
Britha T. Kaupang	23.02.1849		V	el g Vaskning paa Jernbanen	1900	Voss
Tomas Nertrost	15.10.1872		V	hf g Jernbanekontorist	1900	Drammen
Ole Nilsen	11.07.1853	17/7-1857	VS	hf g Selveier og Jernbanearb.	1900	Gol
Peder Lahaug	11.02.1876		VS	el s ug jernbanearbeider	1900	Aurland
Ole Nilsen	22.04.1880		VS	hf g Inderst Jernbanearbeide	1900	VS
Knut Olsen	28.09.1881	8/9-1882	VS	hf g Inderst Jernbanearbeider	?	?
Iver Nilsen Hande	01.09.1885		VS	s ug Jernbanearbeide	1900	VS
Martin Nilsen	12.02.1890	12/1-1890	VS	s ug Søn Jernbanearbeide	1900	VS
Endre Nilsen	1884	28/4/1884	VS	s ug Søn Jernbanearbeide	1900	VS
Nils Kvale	14.03.1879		VS	hf g Stationsbetjent ved jernb.	1900	Kristiania
Martin O. Lahaug	26.03.1881	26/4-1881	VS	fl ug Jernbanearbeider	1900	Aurland
Knut Rogne	02.01.1864		ØS	hf g .. vandpumper ved jernb	1900	Brandbu
Engbret Rudi	18.08.1870		ØS	hf g Jernbanekontorist	1900	V Toten
Erik Jørstad	21.11.1874		ØS	hf g stationsmester	1900	Aurskog
Christen Rudi	01.02.1876		ØS	hf g jernbanekontorist	1900	Jevnaker
Torleiv Gudbrandsen Skattebo	04.01.1877		ØS	hf g Stationsbetjent Valdresb	1900	NA
Nils O. Dahlen	06.06.1885	same	ØS	s ug Jernbanearbeider	1900	ØS
Nils Olsen	1885	mann?	ØS	el ug Jernbanearbeider		

Banevokter vart fødd i Veien

Både banevaktar og veg peiker til samferdsle - og karen vi skal ta lag med i denne stubben fekk vel sitt møte med jarnvegen når han kom til Vestfold – og han var, om ikkje bokstaveleg, fødd i [Vegé](#) – den fyrste juli 1853.

Guten fekk i [Aurdal kyrkje](#) namnet [Nils 31/7-1853\[#34\]](#) og vart konfirmert [28/6-1868\[#22\]](#). Han var son til [Nils Erikson \(1821-1900\)](#) g [14/6-1846\[#6\]](#) med [Berit Andersdtr \(1818-1891\)](#). - [FT1865](#) syner han saman med tre brør (Anders. Iver og Ole) og systera Siri – busette på Veien, løpenr. 288 i *Nordre Aurdal prestegjeld*. Ved [FT1875](#) er han *dagarbeider* og framleis busett på Veien lno 288 – saman med foreldra og brørne Iver og Ole

[28/6-1884\[#2\]](#) vart *Arbeider Nils Nilsen Veien* gift i [Kvelde krk.](#) i Hedrum med **Elise Mathilde Jørgensen** frå Bakkeholmen. Ho var dotter til [Anders Jørgen Hansen*](#) og [Karen Lovise Pedersdtr-](#) og f 1/8-, dpt [13/9-1868\[#68\]](#) i [Hedrum prgj.](#) og konfirmert «*med Biskops tilladelse*» [9/12-1883\[#10\]](#) i Kvelde krk.

Årsaka til at biskop [C P Essendroph](#) vart innblanda låg kanskje i at **Else Mathilde** hadde fått ei dotter 25/9-1883. Jenta vart døypt [1/1-1884\[#1\]](#) og fekk namnet **Laura Bertine**. Ho vart konfirmert [10/10-1897\[#7\]](#). Far til jenta var **Nils Nilsen Veien**, ved dåp *feilaktig* skriven å vera frå *Omlid pr., Skafså i Telemarken*. Ved giftarmålet er fødestadopplysningen rett, «*Veien i Nordre Aurdal*»

Elise Mathilde og **Nils** bur også på Bakkeholmen då dei får sønene **Adolf**, f 15/2-, dpt Kvelde krk. [26/4-1886\[#4\]](#), konf [Kjose krk. 14/10-1900\[#7\]](#). **Hilmar** f 26/10-1888, dpt Kvelde [6/1-1889\[#1\]](#), konf [Kjose krk. 27/9-1903\[#2\]](#). **Nella Marie** f 7/10-, dpt Kvelde [26/12-1891\[#16\]](#), konf [Kjose krk. 24/9-1905\[#4\]](#).

Dei har flytta til [Egenes](#) i Kjose sokn då **Bertha Josefine** vart døypt, [5/11-1893\[#8\]](#) – Ho var f 13/8 s.å. og vart konfirmert [29/9-1907\[#4\]](#). **Anders** vart f 3/11-, dpt [29/12-1895\[#8\]](#), konf [25/9-1910\[#9\]](#). **Erling** f 21/2-, dpt [1/5-1898\[#1\]](#), konf [6/9-1912\[#6\]](#). **Margit Nikoline** f 9/5-, dpt [15/6-1900\[#5\]](#), død [6/10-1906\[#3\]](#), gravl. ved Kjose krk. 13/10 s.å. **Sigrid Alvida** f 14/3-, dpt [8/6-1902\[#4\]](#), død [13/10-1906\[#5\]](#), gravl. 20/10 s.å. **Nils** f 4/7-, dpt [11/9-1904\[#5\]](#), konf [27/10-1918\[#4\]](#). **Valborg Amanda** f 23/7-, dpt [2/9-1906\[#4\]](#), konf [25/9-1921\[#5\]](#). Til sist kom **Margit Alvide** f 9/4-, dpt [12/6-1910\[#4\]](#), konf [11/10-1925\[#8\]](#). Då var dusinet fullt !



[FT1891](#)(Liste 47) plasserer familien på Holmene (*Bakkeholmene*) gnr. 107/6 i Farrisbygden krins i Hedrum prgj. Husliste finn de her – og personskjema [f.o.m](#) – [t.o.m.](#) **Nils** vart her skriven «*jernbanearbeider (fjeldrenskning, minering) Grevskabsbanen*».

'*Farrisbygden*' ser ut til å vera bustadane langs austsida av Farrisvatnet – innan området til [Hedrum kommune](#). Dette området høyrde truleg til Kvelde kyrkjesokn.

Her finn de ei nettside som fortel om [båtruta på Farrisvatnet frå 1885](#).

Når vi kjem fram til [FT1900](#) har familien flytta til vestsida av Farrisvatnet, til [Eikenes/Næs](#) i Kjose sokn, Brunlanes herad. Her bur dei også ved [FT1910](#). Ved baa teljingane er **Nils** skrivem *Jernbanevogter*.

Nils Nilsen døydde på Næs [15. januar 1916\[#1\]](#) og vart gravlagd ved Kjose krk 22/1 s.å. Familien er teke med i «*Brunlanes: en bygdebok*» bd. 3 2, [sidene 1095/1096](#).

Den einaste av borna eg har funne meir opplysningar om i kyrkjebøkene er **Anton** Nilsson. Han gifta seg i Kjose krk. [16/7-1917\[#1\]](#) med **Anna Sofie Amundsen**, dotter til [Carl Johan Amundsen](#) og [Anna Helvig Svendsen](#). **Anna Sofie** var f 11/5-, dpt Kjose krk [5/6-1887\[#5\]](#), konfirmert [29/9-1901\[#5\]](#).

Anna Sofie og **Anton** vart foreldre til **Ester** f Næs 13/10-, dpt Kjose [23/11-1919\[#8\]](#). **Ester** gifta seg i Kjose krk. [24/11-1945\[#3\]](#) med rotasjonsassistent [Toralf Pedersen](#) f 31/8-1920 i Kristiania.

* [Anders Jørgen Hansen](#) og [Karen Lovise Pedersdtr](#) er med i ein [GENIprofil](#), men utan dottera Elise Mathilde.

Telemark fylke (Bratsberg amt)



Målaren frå Sørskogen


1. januar 1846^[#1], i Skien krk., gifta «Ungk. og Maler» **Ole Halstensen Bjørge**, 30 år gamal, seg med pike **Kirstine Hansdatter**, 22 år gamal. **Ole** var fødd i *Ourdals præstegjeld, opholdssted Klosterhougene* medan **Kirstine** var føss i Skien. Klokkeboka^[#1] fortel at forlovarane var Pedel ved Latinskolen Iver Flagsrud og Oldermand Hans Larsen, *brudens fader*.

Kirstine var f 13/5-, dpt 20/6-1824 ^[#13] i Skien krk og konfirmert 11/10-1838^[#9]. Foreldra hennar var Saugmester Hans Larsen og Olea Halvorsdtr.

Ole(Ola) var f 7/7- på Bjørgoeige og døypt i Aurdal krk. 23/7-1815^[Vside,2.ovanfrå] og konfirmert 2/8-1829^[#4]. Han hadde m.a. ei yngre syster, **Ellen Sophia**, f 4/3-, dpt 3/4-1825^[#15], konf 9/6-1839^[#39]. Foreldra deira var Halstein Toreson (død 6/8-1825) g 28/6-1813 med og Olia Olsdtr.(død 23/6-1854).

Kirstine og **Ole** (skrivn **Bjørge** i kyrkjebøker og folketeljing) vart foreldre til denne barneflokk: **Hans Johan** ^A f Gjemsøe(Gimsøy) 28/5-, dpt Solum krk. 30/10-1847^[#102], konfirmert Solum krk. 27/4-1862^[#30]. **Henrik Olaus** ^B f 25/3-, dpt 22/4-1849^[#42], konf. 23/4-1865^[#7]. **Anne Marie** ^C f 6/4-, dpt 6/7-1851^[#64], konf 12/9-1866^[#44]. **Henriette Olivia** ^D f 10/2-, dpt 22/5-1853^[#55], konf 4/4-1869^[#43]. **Olea Bendicte** ^E f 28/10-, dpt 25/12-1857^[#157], konf 20/4-1873^[#3]. **Ole Emanuel** ^F f 6/12-1859, dpt 8/4-1860^[#32], konf 23/4-1876^[#7]. **Kristiane Laurine** ^G f 25/9-1863, dpt 31/1-1864^[#7], konf 27/10-1878^[#27]. **Julie Kirstine** ^H f 20/12-1865, dpt 21/1-1866^[#8], konf 3/10-1880^[#13].

Familien var ved FT1865 busette på Klosterhougen af Gjemsøe, Solum prgj. (*forstad til Skien*). Sonen **Hans Johan** ^A vart notert med yrke *Maler*. Familiefaren vart skrivn *Huuseier, Maler*. - Leitar ein etter dei som har registrert *Klosterhougen af Gjemsøe* som bustadadresse finn heile 333 personar. De finn meir om Gjemsøe kloster og eigarfamilien Cappelen hjå Wikipedia.



Maler Ole Halstensen Bjørge døydde 5/4-1868^[#41] på Gjemsø og vart gravl. ved Solum krk. 10/4 s.å. Dødsårsak er skrivn «*Slim i Lungene*». Enkja **Kirstine** vart åleine om ansvaret for åtte born, fem av dei hadde enno ikkje nådd konfirmasjonsalder.

Hans Johan ^A gifta seg 26/11-1871^[#22] med **Ingeborg Matthea**(1875:Mathilde) **Holmsen**, dotter til Anne Kirstine Frog og skomagersvend Jan Holmsen. Ho var f i Skien 18/12-1850, dpt 23/3-1851^[#10] og konfirmert 20/8-1865^[#30]. FT1875 syner at familien budde på *Kloster Hougene 22* i Skien prgj. Dei flytta kring 1878 til Krabberødstrand i Brevik.

Ingeborg Matthea og **Hans Johan** ^A var foreldre til: **Olivie Kristiane** ^{A1} f Skien 19/12-1871, dpt 1/4-1872^[#33], konf Bamble krk. 3/10/1886^[#26]. **Ole Halsten** ^{A2} f 21/12-1874, dpt 14/2-1875^[#13], konf Bamble krk. 6/10/1889^[#8]. **Frithjof Immanuel** ^{A3} f Stathelle 19/7-, dpt 12/10-1879^[#6], konf 1/4-1894^[#15]. **Janette Mathilde** ^{A4} f 6/9-, dpt 25/12-1882^[#5], konf 3/10-1897^[#50]. **Georgine Benedikte** ^{A5} f 30/11-1884, dpt 14/6-1885^[#4], (konf for 1899-1900 manglar i KB). **Karl Martinus** ^{A6} f 5/10-1888, dpt 31/3/1889^[#3], konf 19/4-1903^[#4].

Gift Maler Hans Bjørge døydde av tæring 21/5-1895^[#1] og vart gravlagd og jordfesta 29/5 s.å. Vi finn ved FT1900 **Matilde** (Ingeborg Matthea) og borna **Halsten** ^{A2}, **Frithjof** ^{A3}, **Benedikte** ^{A5} og **Karl** ^{A6} busette på Kjellestad gnr 25/1 i Bamble. FT1910 syner **Mathilde Bjørge** åleine på Kjellestad gnr 25/10.

Janette Mathilde ^{A4} finn vi i 1900 busett i Klostergate 35 i Moss. Ho er no tenestejente hjå konditor-familien Hansen. Ho gifta seg 28/9-1901^[#23] med sagarb. **Karl Emil Paulsen**. Han var son til sagarbeidar Andreas Paulsen og Jørgine Mathilde Thoresen, f 10/7-, dpt i Moss bysokn 8/10-1882^[#103] og konfirmert 4/10-1896^[#15]. Han budde ved FT1900 i Klostergate 17, så han hadde friarveg i same gate.

FT1910 fortel at **Karl Emil** og **Janette Mathilde** ^{A4} bur i Klostergate 38. Dei har ved teljinga borna **Jonny** ^{A41}, f 5/11-1901, dpt 15/6-1902^[#73] og **Karl Hjalmar** ^{A43} f 1/4-, dpt 28/6-1908^[#43] samt ei dotter. **Haralda** ^{A42} iflg. FT f 10/3-1903, men henne finn eg ikkje i kyrkjebøkene.

DISgravminner fortel at **Karl Hjalmar** ^{A43} fdøydde 11/3-1973 og er gravl. i Moss.

[FT1891](#) for Tolleskoven, teljekrins 9, liste 60, Gimsøy i Solum prgj. fortel at mor [Kirstine, Ole Emanuel](#) ^E, [Henriette Olivia](#) ^D, [Kristiane Laurine](#) ^G og [Julie Kirstine](#) ^H bur på denne «adressa». ([Husliste](#)).

[Olea Bendicte](#) ^E gifta seg i Solum krk. [5/2-1888](#)[#3] med skomakar [Jorgen Iverson](#). Han var fødd på [Ringdal](#) i Hedrum 29/3-, dpt i Hedrum [7/5-1861](#)[#26] og konfirmert [3/10-1875](#)[#14]. Han var son til gbr. [Iver Svendsen](#) og [Anne Regine Tollevsdr.](#)

[Jørgen](#) og [Olea Bendicte](#) ^E vart foreldre til [Mary Regine](#) ^{E1} f 8/4-, dpt [23/6-1889](#)[#72] og [Arthur Emanuel](#) ^{E2} f 22/12-1890, dpt [22/3-1891](#)[#21], konf Hedrum [1/10-1905](#)[#12]. Vi finn familien med adresse Ringdal vestre gnr 41/11,13,14,16 i Hedrum ved [FT1910](#).

[Pantebok for Hedrum nr. VI, s.366](#) fortel at [Jørgen S Iversen](#) fekk skjøte på gnr 41/11 24/8-1909 – og at han døydde 2/1-1939. [Olea](#) sat så i uskifta bu til 2/2 s.å. då [Atrhur Emanuel](#) får skjøte frå mora. Eg finn ikkje desse bruksnummera på nokon av gardane som er med i «*Norske gardsbruk*»: Vestfold fylke 1947.



Ingrid og Ole Emanuel Bjørge
Bilete frå Elna Bjørge.

No tek vi ein snøggstur attende til Nord-Aurdal. [Ellen Sophia, Halsteinsdr.](#), syster til [Ola Halsteinson](#), gifta seg i Aurdal krk. [22/6-1851](#)[#8] med [Syver Aslakson](#). Han var son til husmannsfolka [Aslak Olson](#) g [21/10-1810](#) m [Berit Syversdr.](#) [Syver](#) var f på [Kristianslund](#)eige ([Renno](#)) 27/7-, dpt i Aurdal krk. [21/9-1823](#)[#37] og konfirmert i Aurdal krk. [9/6-1839](#)[#3].

[Ellen Sophia](#) og [Syver](#) fekk 6 born; [Berit](#)[#70], [Olia](#)[#33], [Anne](#)[#36], [Ingrid](#) [#65], [Helena Sofie](#)[#81] og [Inger](#)[#21]. [FT1865](#) syner familien busett i [Dokken, Præstegaardens](#) krets, Aurdal prgj.

[Ingrid](#) vart konfirmert i Aurdal krk. [18/4-1875](#)[#5]. Ho var tenar på [Øydgården lno. 280b](#) i Nord-Aurdal ved [FT1875](#).

[Ingrid](#) har sidan teke veg mot Grenlandsområdet, og slekta si i dette området. Ho vart gift med syskenbarnet sitt, [Ole Emanuel](#) ^E [Bjørge](#) i Solum krk. [14/4-1894](#)[#9]. Dei be busette på Graaten under gnr. 17/1 i Solum i [FT1900](#) og i Slaattehagen 20/14 i Solum i [FT1910](#).

[Ingrid](#) og [Ole Emanuel](#) ^E vart foreldre til [Ella Kirstine](#) ^{F1} f 12/6-, dpt [5/4-1896](#)[#5], konf [10/4-1910](#)[#7]. [Einar Lind](#) ^{E2} f 27/6-, dpt [21/8-1898](#)[#36], konf [5/10/1913](#)[#4]. [Rakel Debora](#) ^{F3} f 27/12-1899, dpt [17/6-1900](#)[#20], konf [19/4-1914](#)[#3]. [Iver Sten](#) ^{F4} f 16/5-, dpt [1/10/1905](#)[#43], konf [10/10-1920](#)[#2].

[Einar Lind](#) ^{E2} gifta seg [21/12-1935](#)[#37] med [Marta Nilsdr Nykaas](#), dotter tol tømmermand [Nils Johansen Nykaas](#) og [Inger Andrea](#) f [Eriksrød](#), f på [Lagmandsgaard](#) i Gjerpen 11/10-1909, dpt [Gjerpen krk.](#) [19/12-1909](#)[#83], konf Solum [7/10-1923](#)[#16]. Frå DISgravminner finn ein at [Martha](#) døydde [19/1-1972](#) og [Einar Lind](#) døydde [23/4-1972](#). Under same gravstein på Solum kyrkjegard kviler [Ole Emanuel](#) ^E, død [26/5-1919](#)[#11] på [Skogpladsen](#) i Solum og [Ingrid Bjørge](#) død [11/3-1944](#).



Foto frå DIS, *Gravminner i Norge* (Foto ved Eva Erntsen, DIS Telemark)

[Iver Sten](#) ^{F4} gjekk inn i ekteskap med [Anni Dorthea Knudsen](#) i Solum krk. [12/9-1936](#)[#24]. Ho var dotter til møllar [Halvor Martinus Knudsen](#) og [Karen Dorthea](#) f [Svendsen](#), fødd på søndre Brække 7/5-, dpt Skien krk. [11/6-1904](#)[#111] og konf [7/12-1919](#)[#42]. [Ivar](#) døydde [24/7-1952](#) og [Annie](#) [26/11-1992](#).

Kristiane Laurine ^G var brur i Solum krk. [15/9-1896](#)^[#18]. Friaren som fekk ja-ordet heitte **Arnt Johan Kjelsen**, son til *tømmermand* **Kjel Kjelsen** og **Anne Hansdtr.** Dei budde ved [FT1865](#) på Kongrø i Solum. **Arnt Johan** var f på [Kongro](#) 17/9-1874, dpt Solum krk. [2/1-1875](#)^[#3], konf Solum [5/10-1889](#)^[#3]. Han er ved [FT1891](#) målarlærling hjå **Ole Emanuel** ^E **Bjørge** i Tolleskoven. Han har sikkert lært å svinge målararkosten, men han har nok også nytta tida til å fri til syster til læremeisteren sin i målarfaget. - Då han giftar seg er han skriven *handelsbetjent*, *Gjemsø*. [FT1900](#) plasserer ektefolka på *Tomt nr. 2, gnr 83/39 i Solum prgj.*

Kristiane Laurine ^G og **Arnt Johan** vert opphav til desse borna: **Bjarne Hallstein Bjørge** ^{G1} f 18/8-1897 på [Skotfoss](#), dpt Solum krk. [11/4-1898](#)^[#40], konf [Skotfos kapel 8/10-1911](#)^[#3]. **Ester Marie** ^{G2} f 19/11-1898, dpt Skien [26/3-1899](#)^[#24] (faren er då skrive «*Bestyrer ved Handelsforening*»), konf Skotfos [5/10-1913](#)^[#2]. **Snefrid** ^{G3} f Skotfoss 4/9-1900, dpt [Melum krk. 20/1-1901](#)^[#2]. **Ruth** ^{G4} f Skotfoss 22/3-, dpt Skien [21/6-1903](#)^[#69]. Frå [FT1910](#) finn vi også ein son, **Ulrik** ^{G5} f 1908. Då budde familien på Solbakken gnr. 83/181 i Solum herad.

Julie Kirstine ^H vart gift i Solum krk. [27/12-1893](#)^[#32] med *skolelærer* **Karl**(Carl) **Jensen Dolva**. **Karl** var son til *Andrea Halvorsdtr* og *grdmnd* **Jens Jensen Dolva**. **Karl** var f 9/4-, dpt Solum [14/7-1867](#)^[#89] og konfirmert [16/4-1882](#)^[#1]. [FT1865](#) syner at **Karl** var av dei yngste i ungflokken på Dolven vestre.

Lærarfolket på [Knardalstrand](#) vart opphav til desse borna: **Jens Riddervold** ^{H1} f 17/5-, dpt Solum [22/7-1894](#)^[#36], konf Solum [27/9-1908](#)^[#1]. **Torleif Bjørge** ^{H2} f 3/5-, dpt [19/7-1896](#)^[#27], konf [2/10-1910](#)^[#21]. **Halvor Konstantin Omdal** ^{H3} f 13/4-, dpt [26/6-1898](#)^[#25], konf [6/10-1912](#)^[#25]. **Finn Caspari** ^{H4} f 3/4-, dpt [21/6-1901](#)^[#48], konf [3/10-1915](#)^[#5]. **Henry Cato Werner** ^{H5} f 2/3-, dpt [12/7-1903](#)^[#26], konf [7/2-1917](#)^[#10]. **Karen Kirstine** ^{H6} f 15/8-, dpt [21/10-1906](#)^[#45].

Hjå DISgravminner finn vi «*Lærer C. Dolvas Gravsted*» på [Tørmo gravplass](#) i Porsgrunn. **Karl**(Carl) **Dolva** døydde [2/10-1941](#), gravl. 7/10 s.å. **Julie Kirstine** ^H døydde [15/11-1941](#) gravl. 22/11 s.å.? - **Jens Riddervold** ^{H1} **Dolva** døydde [6/6-1928](#), gravl. 12/7 s.å. **Astrid Margrethe** var kona til **Jens**. Ho var storesyster til Gunvor, gift med Halvor Dolva – **Astrid Margrethe** var fødd på Straaholmen 13/10-1898, dpt Skåtøy [28/5-1899](#)^[#62]. Det vart lyst for paret i Skåtøy [25/4-192](#)^[#12].

Torleif Bjørge ^{H2} gifta seg i Solum krk. [3/6-1922](#)^[#9] med **Kirsten Dorthea Andersen**, dotter til styrmand **Elias Andersen** og kona **Marie Andersdtr.** Dei budde ved [FT1900](#) i Hauges gt 133 i Porsgrunn, Ti år etter, ved [FT1910](#), var bustadsadressa Schweigaardsgt 47b i Porsgrunn. Hjå DISgravminner finn vi **Torleif B Dolva** med dødsdato [27/12-1975](#), gravl. 31/-1976. Han har truleg gifta seg oppatt, dat andre namnet på gravsteinen er **Ingebjørg** f [22/1-1904](#), død 25/2-1986. Dette må vera **Ingebjørg Dahl**, dotter til gardbrukar Helge Dahl og Anna Laurine Pedersen i Gjerpen. Ho var døypt [20/3-1904](#)^[#10] og konfirmert i [Gjerpen krk. 27/4-1919](#) ^[#7] .

pastor Dolva, brudens bror, (frå førre avsnitt) lyt vera **Halvor Konstantin Omdal** ^{H3}. **Provst Halvor Dolva** finn vi hjå DISgravminner død [7/6-1968](#), gravl. på *Kirkegården ved Næringsparken* i Kongsberg. Under same gravstein kviler **Gunvor Dolva** f 13/2-1901, død [26/4-1982](#). Mykje talar for at dette var **Gunvor Andrea**, f på Stråholmen 13/2-, dpt Skåtøy krk. [23/6-1901](#)^[#17], dotter til *Lods Amund Larsen* og kona *Maren Margrethe.Larsen*. [FT1910](#) syner familien. Det vart tke ut lysing i Skåtøy [14/6-1924](#)^[#8] - Gravsteinen har også med *Lege Jens Petter Dolva* (1828-1964). **Halvor** ^{H3} **Dolva** og sonen **Viggo** er nemnde i [bloggen «Lyrikkglede» 4/10-2010](#).

Finn Caspari ^{H4} vat gravlagd på Tørmo kyekjegard i Porsgrunn 22/2-1974. Han døydde [20/2-1974](#). **Signe Dolva** [31/8-1908](#)^[#48] – 26/1-1993 kviler i same grav. **Signe** var dotter til *Fabrikerier* **Halvor Lie** og kona **Anna f Nygaard**, dpt 1/11-1908 i *østre Porsgrunn krk.*

Karen Kirstine ^{H6} fann seg ein av lovvaktarane i hovedstaden. [7/4-1935](#)^[#4] gifta ho seg med politi-konstabel **Sverre Asbjørn Dahle**. Merknadsrubrikken syner at *Vielsen utført av pastor Dolva, brudens bror. Meldt spr. Porsgr.* **Sverre Asbjørn** var f på Knardalsstrand 3/4-, dpt [6/8-1905](#)^[#34], konf *Østre Porsgrunn krk.* [11/5-1919](#)^[#0]. Han var son til porselensdreiar **Ole Dahle** og **Anna Lovise Sørensen**.

Kven var lensmann Knutsen i Seljord ?

Denne stubben startar der livet slutta ! - Klokkarbok nr. 5 for Seljord syner at lensmand **Knud Knutsen**, ugift, fødd 1836 i Nordre Aurdal – døydde av *Lungebetændelse* [8/2-1903\[#2\]](#) på [Moen i Seljord](#). Han vart gravlagd og jordfest ved [Seljord kyrkje](#) 16/2 s.å.

Både [FT1891](#) og [FT1900](#) syner til N(ordre) Aurdal som fødestad og 1836 som fødselsår. Det er tre blad Knut Knutson fødte i Nord-Aurdal i 1836, men etter eliminering står eg att med berre ein kandidat, **Knut** f i [Bergsbakko](#) 30/7-, dpt i Skrautvål krk. [11/9-1836\[#71\]](#), son til [Knut Haldorson](#) Bergsbakkene og [Aaste Tomesdtr](#). Båe desse hadde eitt ekteskap bak seg då dei gjekk fram til alterringen, [27/12-1820\[#38\]](#). Knut Haldorson var fødd på [Skrautvøl](#), dpt [25/5-1790](#) [[Hside, nestøvst](#)], konf [6/7-1806](#) medan Åste Tomasdtr var fødd i [Fødnes](#) dpt i [Svenes krk](#). [28/3-1796](#) [[Hside, 9. ovanfrå](#)] og konfirmert i Svenes krk. [7/7-1811](#) [[Vside, Hspalte, 4. nadanfrå](#)]. [FT1801](#) syner [Knut](#), steson på [Skrautvold](#) og [Aaste](#), dotter i [Fodnees](#).

Den som vil finne **Knud Knutson** i «*Gard og Bygd i Nord-Aurdal*» kjem til å leite lenge ... - han er uteglymd frå manuskriptet. Dei fire heilsyskena hans, [Haldor](#), [Tåmmås](#), [Ingebjørg](#) og [Ola](#) er medtekne.

Det er vel ganske sikkert **Knud Knutson** vi treffer i Steinsrud, Præstegaardens teljegrins i Nordre Aurdal ved [FT1865](#). **Knud Knutsen** er då kontorist og Inderst hjå husmannsfolka Halvor Olsen og Anne Gudbrandsdtr.

Lensmann Knutsen er nemnd fleire gonger i bygdeboka for Seljord: På [side 100](#): rekneskapsekstrakt for veganlegg (1894,1897) – [side 118](#) jarnvegsnemnd - [side 243](#): møtebok i skulekommisjonen - [side 259](#), [260](#): heradstyremøte – side 295/[296](#): nemnd for skiping av Fatiggard og side 523/[524](#) (1889): møtebok for heradstyret. - Eg kan ikkje sjå at lensmannen ei innført i innflyttarlistar.

Ved [FT1891](#) budde **lensmann Knutsen** på [Hægnin](#), gnr. 39/2 i Seljord. ([Husliste](#) – [Personskjema](#)). Han hadde «*Husbestyrerinde*» Anne Christensen f [1848](#) i Gjerpen, gaardsgut og staldkarl Vetle Jørgensen Selstad f [1871\[#25\]](#) i Seljord og Budeie Tone Aasmunddatter Skori f [1870\[#81\]](#).

Lensmannen har skifta ut heile «staben» ved neste teljing, [FT1900](#). No er Marie Johannes, f 1857 i Gjerpen, husstyrarinne. Eilef (Laurentius) (S)Landvik f [14/2-1870\[#20\]](#) i Kviteseid er *Lensmannsfulmektig*, Olav Skinnarland f [17/3-1881\[#13\]](#) på Møsstrand i Rauland er kontorist og Anne O Underberg f [12/3-1888\[#11\]](#) i Seljord har ansvar for *Huusgjerning*. (Lensmannen kjende ikkje til noko [lov om barnearbeid](#)). Lat oss ta med at Eilef Landvik ved [FT1910](#) har fått lensmannsombodet i Kviteseid.



[Norsk Folkemuseum](#)



[Norsk Folkemuseum](#)



Fødsel og død kan dokumenterast

[den raude hanen](#) kan løyne noko
vi gjerne skulle kjent til



Husmand Kasin u [Nappegaard](#) er skrive som *Brudgommens borgerlige Stilling (Næringsvei) og Bopel* i Ministerialbok for Hovin sokn i Gransherad prg. [2. juli 1899](#) [#3]. Dette var bryllaupsdagen til **Liv Hansdtr** frå Peterrud under [Espeset](#) og enkjemannen **Erik Olsen** frå *Grovi i Lommends Annex i Vestre Slidre*. Forlovarar var Torsten Olsen, Stensrud og Halvor Hansen, Hylland.

Liv Hansdtr var dotter til husmannsfolka [Hans Osmundson og Ingebjør Torjusdtr](#). Ho var fødd på Espeset 20/6-, døypt i [Hovin kyrkje](#) i Gransherad prgj. [4/7-1866](#) [#9].

Erik Olson var fødd på [Høve \(Grovi\)](#) 3/5, dpt i Slidre prgj [23/5-1836](#) [#35] og konfirmert i [Røn krk.](#) [26/10-1851](#) [#21]. Han var son til husfolka [Ole Johannesson og Sigri Eriksdtr](#). Dei var gifte [11/10-1829](#) [#16]. Dei var ved [FT1865](#) husmannsfolk i [Hjellebergo](#). «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*» har med nokre liner om denne husmannsplassen på [side 347](#). ([Permalenke](#))

[15/9-1863](#) [#2] fekk **Erik Olson** utflyttingsattest med reisemål Biri prgj. Eg trur vi finn dagarbeidar **Erik Olsen**, 30 aar gamal, busett på plassen Hagen i Snertingdal ved [FT1865](#)- saman med kona **Ingeborg Henriksdtr** og døtrene **Henrikka**, 3 år- og **Olave** 1 år. (alder ved [FT1865](#) er kor gamle dei vert ved neste fødselsdag) Diverre er fødestaden til **Erik** skreven *Bangs Prgj. i Valdors*, ikkje Slidre.

Største problemet er kyrkjebøkene: *Ved [prestegårdsbrann](#) i 1890 ble kirkebøkene for 1789-1814 og 1854-1877 samt en del av embetsarkivet ødelagt*. Dette fortel [soknehistorikken hjå Arkiverket](#). - Til alt hell syner konfirmasjonsinnførsla for [Segaard krk.](#) i Snertingdal [13/10-1878](#) [#19] at **Henrikka Eriksdtr Nøss** var f [16/2-1863](#) på [Audenstadeige](#) – og foreldra var inderstfolka **Erik Olsen Gjelleberget** og **Ingeborg Henriksdtr**.

Live Hansdotter finn eg busett på Roe under [Napegaarden 27/2](#) ved [FT1891](#) ([Krins 4](#), [Husliste 17](#)). [Personskjema](#) for **Live Hansdtr** og dottera [Ingebjørg Halvorsdtr](#). Kyrkjeboka for Hovin fortel at [Ingebjørg](#) var fødd utandor ekteskap – på [Stensrud -28/3-](#), dpt Hovin krk. [3/6-1888](#) [#7], [konf 29/6-1902](#) [#9], då skreven [Ingebjørg Halvorsdtr Løkedalen](#). Far hennar var ungar [Halvor Pedersen Dybedal](#) frå Tinn prgj.

Husmannsplassen Roe, under [gnr 27/1 Nappegard](#), er bustadsadtesa til [Ingebjørg Halvorsdtr](#), **Liv Hansdtr** og **Erik Ols (Olavs)** ved [FT1900](#).

Ti år etter, [FT1910](#), bur **Erik** og **Liv** i Johre, gnr 3/3 - Østsiden teljekrins i Hovin herad, Gransherad prgj. - **Erik** er *Fatigunderstøttet*, **Liv** er *Hushollersk* og *budeie* hjå Ole og Gullek Jore. Garden [Jore](#) finn vi hjå «*Norske Gardsbruk, Telemark*» på [side 856](#).

Gift fattiglem (blind) **Erik Olsen Løkedalen**, f 1838 Vestre Slidre, døydde i [Aastøen](#) [12/3-1913](#) [#2]. Han vart gravlagd ved Hovin krk 19/3- og jordfesta 6/4-1913.



Husmannsguten frå Melby vart hotelleigar i Sauland(Hjartdal) Til Sauland(Hjartdal) kom også tre sysken frå sørOdal

Husmannsfolka [Sigrid Olsdtr](#) og [Ole Knudsen](#) Hovi vart foreldre til ein son 20/5-1848. Guten fekk ved heimedåp 20/5- namnet **Ole**(Ola). Heimedåpen vart stadfesta i kyrkja [12/6-1848](#)^[#45]. I ministerialboka er det skrive *Højden?* saman med namnet til foreldra. «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» har plassert familien på bruket [Høgdé gnr. 46/4](#) , [skylddelt 8/9-1846](#). **Ola Knutson** fekk tinglyst skjøte 7/6-1853. Men **Ola Olson**, -karen vi skal slå lag med i denne stubben har bygdebokskrivaren gløymt heilt av ! (skanna frå band B, side 319)

- II [Sigrid Olsdotter](#) (1809—79)
G.m. [Ole Knutsen Lineikro-eige](#) (1809—70)
Born: [Synnev](#), f. 1834
[Knut](#), f. 1837
[Ragnhild](#), f. 1839, g.m. [Ole Syversen Jørstad](#)
[Kari](#), f. 1841, g.m. [Gudbrand Gudbrandsen Hovi](#)
[Sigrid](#), f. 1844, g.m. [Jøger Kristensen](#)
[Helleborg](#), f. 1846, g.m. [Johannes Knutsen](#)
[Ole](#) (1851—52)



Ola Olson -Melby/Høgden/ vart konfirmert av [sokneprest Strøm](#) i [Hegge kyrkje](#) [14/6-1863](#)^[#19]. Kvar han held til ved FT1865 vert litt tipping, sidan det er fleire Ola Olsøner i området. Eg vil likevel halde det sannsynleg at det er vår **Ola Olson** vi finn som tjenestedreng på [Liekren](#)([Lineikro](#)) i [FT1865](#).

Vi treffer [leilænding Ole Olsen](#) Klepphagen og kona **Thea Knutsdotter** då dei døyper sonen **Olav** [4/12-1880](#)^[#14], truleg i [Sauland kyrkje](#). Guten var fødd 4/12 s.å. Sidan eg ikkje har greidd å finne giftarmålet deira, lyt vi innom FT1891 for å få nærare greie på kven dei er.

[FT1891](#) syner at *hotelvert, stationsholder* **Ole Olsen Mælby** var f 1848 i *Valders, østre Slidre*, og *hustru* [Thea Knutsdtr](#) var f 1852 i Nordre Odalen. Ho *hjelper med Bevertningen ved Hotellet*. **Thea** var fødd på [Sjøli under Rud](#) 10/7-, dpt [19/9-1852](#)^[#57] og konf [6/10-1867](#)^[#69]. Ho var dotter til *snedker* [Knut Eriksen](#) og [Mari .Torstensdtr](#). **Thea Knutsdtr** hadde to andre sysken som også kom til Sauland; **Marie Knutsdtr** f 4/11-, dpt [3/12- 1850](#) ^[#126] og **Elen Marthea Knutsdtr** f 26/5-, dpt [25/6-1865](#)^[#76]. De kan lesa on syskena frå Sjøli i *Nord-Odal bygdebok 1*, [side411](#)([Permalenke](#)). De finn familien med bustad Rud i Sand sokn ved [FT1865](#). [Knut Eriksen](#) var då sjølveigar.

[Marie](#) og [Elen](#) Knutsdøtre var ved FT1891 tenarar, «*steller huset og hjelper til i Butikken*», hjå land-handlar og postopnar [Jørgen Pedersen](#). **Ola O** og **Thea Melby** var fadder då sonen til Jørgen og Maren Pedersen, [Peder August](#), vart døypt [26/7-1885](#)^[#13]. Maren Pedersen døydde [7/4-1887](#)^[#2]. - Landhdr [Jørgen Pedersen](#) og [Ellen Matea](#) f [Knudsen](#) døyper dottera [Ingeborg Christine](#) [1/12-1895](#)^[#10]. Mellom faddranr finn vi fru Melby (**Thea**) og [Edvard Knutsen](#), morbror til dåpsbarnet. **Ole O Melby** og landhandlarar [Pedersen](#) er såleis vorte svograr.

Landhandlaren får så ei dotter, [Anne Marie](#), f i [Kleppenhagen](#) 30/12-1897, dpt [6/2-1898](#)^[#1]. Også denne gongen er fru **Thea** og **Ole O Melby** mellom faddrane.

Thea Knutsdtr og **Ola O Melby** vart, attåt **Olav**(Ole) foreldre til **Mari** f 22/9-, dpt Sauland krk. [12/10-1884](#)^[#25], konf [12/11-1899](#)^[#14]. Så kjem tvillingane **Karl** og **Sigrid** f 16/2-, dpt [30/3-1891](#)^[#4]&^[#2]. og konfirmerte [8/10-1905](#)^[#3]&^[#10].

Familien budde ved [FT1900](#) i [Kleppenhagen](#) (under gnr. 72/1) i [Hjartdal](#). Attåt familiemedlemmene er to tenestjenter, 2 tenarar/skyssgutar rekna opp som busette. Attåt dei «fastbuande» finn vi ein gjest, handelsreisande [Karl Heisholt](#) frå [Solum](#) og skyssguten hans, [Gjermund Nilsen](#) frå [Tinn](#).

Hoteleier **Ola O Melby** døydde i [Kleppenhagen](#) [16/6-1906](#)^[#2]. Han vart gravlagd/jordfest ved [Sauland krk](#) 23/6 s.å. De finn meir om Ola i *Hjartdalsoga:gard og ætt 2:Sauland* sidene [316/317](#) og [328](#).

Når vi kjem fram til [FT1910](#) har [Elen Marthea Pedersen](#) vorte enkje. Ho er no *Postaabnerske* og bur saman med døtrene [Ingeborg](#) og [Marie](#). Stesonen [Peder August](#) er har teke over som landhandlar. Han har gifta seg med [Kari](#) frå [Bø](#) i [Telemark](#) og dei har sonen [Jørgen](#), oppkalla etter farfaren.



Skysstasjonen har i [FT1910](#) fått namnet Løvheim. Enkje **Thea Melby** er titulert *Hoteleierske* og alle borna er registrert – **Ole O Melby** som *Sorenskriverkontorist*, **Marie** som *Husbestyrende*, **Sigrid** som *Datter* og **Karl** som *Søn, Skoleelev*.

Her var då 2 tenestjenter, 2 skyssgutar – og fire gjester, ein amtsingeniør frå Langesund, handelsreisande frå Skien, ein gardbrukar og ein lasskjørar, dei to siste frå nærområdet.



Løvheim fotografert 27/3-2018 - ohf

Thea Knutsdtr Mellby, *Hoteleierske, Enke* døydde av [hjerneslag](#) på Løvheim i Sauland [25/1-1921](#)^[#3] . Ho vart gravlagd/jordfesta ved Sauland krk. 14/5 s.å.

[Panteboksbladet til Løvheim](#) syner at eigeiomen vart utskilt frå gnr 72/3 19/11-1921. Nytt gardsnr. vart 73/12. **Mari Melby** fekk skjøte frå T Kleppen dat 14., tinglyst 28/1-1922.



Så er det 17/3-1930 tinglyst ein obligasjon frå **Mari Melby** til a/s Ringnes bryggeri.

7. Obligation av og til 17. mars 1930 fra
 Mari Melby til a/s Ringnes bryggeri
 for 12500 kr. med forpligtelse for sin-
 vanderde og efterfølgende sine at den fra
 eller i eiendommen ikke maa finde
 sted salg eller utskjøtning av andre
 aksjer end fra a/s Ringnes bryggeri. 40 4. 430

27. 37. nr. 5-7 avl.
 som meddelst 2/10.
 1930. (Se nr. 10)
 11. 5-127.

Sleddet i h. l.

I «*dei harde tredveåra*» måtte ein vel leite etter måtar å skaffe seg driftskapital på. Kven som smilte breiast i bankdøra er det vel delte meiningar om. Obligasjonen frå Ringnes bryggeri sette truleg berre krisa på venteliste B. - **Mari Melby** laut til sist bite i det sure eplet. 4/9-1933 vart Løvheim selt på tvangsauksjon.

DISgravminner fortel at **Mari Melby** døydde [1/4-1968](#) og kviler på Sauland kyrkjegard. Systema **Sigrud Melby** var død [2/5-1944](#) – ho kviler også på Sauland kyrkjegard.

Ole O Melby var gift med **Dorthea Hansdtr Kaasa**, f Nes sokn i Sauherad 4/6-, dpt [28/6-1891](#)[#10], Dei vart foreldre til sonen **Hans** f Bøhaugen, Sauland 25/3-, dpt [24/5-1920](#)[#2]. **Ole** døydde [13/6-1952](#) og vart gravl. 19/6-s.å. på Notodden. **Dorthea** døydde [18/2-1933](#), gravl. 25/2 s.å. medan **Hans** døydde [9/7-1932](#), gravl. 13/7 s.å.

Karl Melby (skrive Carl Melbye) døydde [17/5-1959](#), gravl. Notodden 23/5-1959. I same grav kviler **Gyda Melbye** f 20/5-1895. Ei **Gyda Andersen** fødd i Kristiania, ved FT1910 busett i Kristiansand er den einaste Gyda som matchar denne fødselsdatoen.

Eit [søk på nettet](#) syner at Løvheim i 2016 er i drift – no som [Bed & Breakfast](#).



Verten på Løvheim i påskeveka 2018

Bak verten på biletet til venstre ser vi ei ramme som heng på vegg. Her er det skrive om ein del av historia til Løvheim. Eg tek med dei siste avsnitta - etter at Melbyfolka var ute som eigarar.

«Det er fortsatt harde tider, men etterhvert letner det noe. Da krigen var over i 1945, ble det ofret tid, arbeidskraft og penger for å sette Løvheim Turisthotell i skikkelig stand etter alle de dårlige årene. Nå inntok etter hvert de glade dansker hotellet, spesielt i sommermånedene. Det ble derfor nødvendig å utvide spisesalen. Dette ble gjort i 1947.

De store reiseselskapene begynte å selge sine rundreiser og masse-turismen begynte å gjøre seg gjeldende.

I 1963 skiftet igjen hotellet vertskap. Dette året overtar Astrid og Arnold Berntzen Løvheim Turisthotell, med fru Astrid Berntzen som daglig leder.

I årene fremover foregår flere moderniseringer og utvidelser. En gjennomgripende ombygging ble påbegynt høsten 1975 og var ferdig i 1976. Høsten 1977, 100 år etter at Løvheim var grunnlagt, stod også en ny soveromsfløy ferdig. Hotellet hadde nå 80 sengeplasser. Etter dette ble det foretatt diverse forbedringer og moderniseringer ved hotellet. I 1983 er den såkalte Sovestoga ferdig ombygget, og flere planer står for tur.

Løvheim drives ikke bare som et turisthotell, men har lagt opp sin drift slik at det kan arrangeres kurser, konferanser, møter, selskaper o.l. Spesielt i sommerhalvåret har hotellet gruppereiser til Telemrskkanalen, hvor turistene blir med båt fra Ulefoss opp gjennom slusene og kanalene helt opp til Dalen i Telemark.

Tar vi en titt bakover kan vi se at driften av hotellet har vært på kvinners hender, helt fra sin seede begynnelse i 1877.

Som en kuriositet kan nevnes at da kong Olcar II i 1879 åpnet den nye veien til Haukeli skal han ha overnattet på Løvheim, og natten mellom 4. og 5 januar 1896 overnattet Roald Amundsen på hotellet. Han fortsatte til Møsvatn for å gå over Hardangervidda på ski. Denne turen var et ledd i Amundsens planer med de kommende polferder, dessutevnlige ville han høste erfaringer i å gå på ski i ukjent terreng.»

Det bur ein Neri neri der !

Ved å bla og leite i kyrkjebøkene for sume prestegjeld/sokn i Telemark har eg ved mange høve kome frammon førenamna **Niri** / **Neri**. Ei snøgg oppteljing frå FT1801, FT1865 og FT1910 syner at namnet er mest brukt i Flesberg og Rollag i Buskerud – og i Telemark: i Heddal(Notodden), Gransherad, Bø, Hjartdal, Sauherad og Vinje.

	1801	1865	1910
Akershus			1
Kristiania			1
Buskerud	9	40	24
Vestfold	2	1	
Telemark	64	76	59
Aust Agder		4	1
Rogaland		1	
Hordaland			1
	75	122	87

	1801	1865	1910
Heddal	7	10	14
Sauherad	6	6	7
Vinje		5	7
Lårdal			6
Bø	11	12	5
Gransherad		14	
Hjartdal	10	9	
Seljord	8		
Flesberg		30	17
Rollag		6	3

Fordelinga mellom Neri og Niri i Telemark er:

	1801	1865	1910
NERI	27	26	26
NIRI	37	50	35



Kart frå: www.vig.no; faksimilar: [Aasen](#) og [Vågslid](#)

Nerid (Neri), M. Rbg. Tel. Nummedal. Tildeels afvigende: Niri (Num.) og Nære (Rbg.) G. N. Nerid(r). En anden Form er „Nerild“ fra Zarlsberg.

Nereid og **Nerid** m. ein som ikki rid. Sjå Nere, Nereid k. og **-reid**, **-rid** i m. Gn. eigef. **Nereis** og **Neriðs**, sidef. **Nereið**, **-aid**, **Nereið**, um Nereid jarl den gamle eller rådspake (rådvise) i Noreg kring 800, **Neriðr**, eigef. **Nereiðs**, underf. **Nerið** og **Ner-**, **Nereið** um ein lendmann + i Sarpsborg 1134, **nairiðsun** med uviss lesnad på ein runestein ved Otrenes kirkja, **ælin neriðis totér** på runestein frå Skrautvål kirkja i Valdres etter gamal avskrift, **korá nerisun** i runerit i ei rivi kirkja på Gørdin (Gåra) i Bø i Telemark, truleg same mann som **Kor Næris** son i eit n. brev frå 1354, elles **Ner-**, **Neriðr**, **Neirid(he)r**, **Næ(i)rider**, eigef. **Neri(d)z**, **Neris(on)**, **N(æ)iris**, **Neradas**, **Nerigs**, Sud-Austland 1308-1521, i gardn. i Noreg med Bohuslän, **Neri** i falskt brev frå kring 1650 med tidfeste 1375, **Neri**, **Nerj** i avskrift frå 1650-1700 til brev frå 1409-10, **Neri**, **Nærre**, **Niri**, **Nerrig**, **Nirild** Sud-Austland og **Nere** Rogaland 1740-50, i n. målføre **Neri**, **Niri**, **Nære** Naumardal, Telemark, Aust-Agdir, i skrift **Nirild** Vestfold.

Skomakarsvein i Kragerø – med hjarterom og husrom

«1861, 23^{die} Juni, fjerde søndag efter Trefoldighed blev Efternevnte confirmerede i [Hegge kirke af Sognepræst Strøm](#)». Slik lyder innleinga på konfirmantlista for denne dagen, i året 1861. - Vi skal sjå litt nærare på konfirmant [nummer 31](#), **Anders Johannesen**.

Anders var fødd 9. mai og døypt [31. mai 1846](#)^[#36]. Foreldra vart skrivne [Johannes Aslaksen Skamesteen](#) og [Marit Andersd](#), husmannsfolk. Dei hadde gifta seg [19/4-1843](#)^[#6], brudgommen var då 26 år gamal, fødd [Kjos](#) i Vang prgj. og son til Aslag Trondson. Brura er skriven 28 år gamal, ho er tvilling -båe jentene har ved dåp [25/10-1812](#) fått namnet **Marit** -døtre til Marit Kristensdtr og Anders Torgrimson på Kolstad.

[Rode](#) 3-75 i Bergen kjøpstad er adressa der vi finn **Anders** ved [FT1865](#). Han er no skomakardreng hjå *skomager* Erik Gustav Eriksen. Trond Olsen Tune frå Vang er også skomakardreng her.

Ti år seinare, [FT1875](#), er *skomagersvend* **Anders Johannesen** busett i [Smedsbugten](#) 122 i [Kragerø](#) kjøpstad. Han er no gift med **Anna Kaia** f 1847 i [Åmål](#) i Dalsland. [FT1885](#) syner at **Anna** og **Anders Johansen** no bur i Løkken og Thomseheien nr. 78. Dei har teke inn jenta **Line Andora Johansen** fødd [25/6-1884](#)^[#58] ([Klokkarboka #59](#)) i Kragerø. Ho var dotter til *pige* [Kristina Jakobsdtr](#), syster til **Anna Kaia**, og *ungkarl*, *kontorist* Magnus Asbjørnsen f 1863.

Løkken og Thomseheien nr. 44 er bustadadresse ved [FT1900](#). **Anders** er skriven skomakersvend. Pleiedottera **Andora Lina** *deltager i huslig gjerning*. **Anna** og **Anders** har same adresse ved [FT1910](#). No finn vi pleiedottera **Andora Lina** i [Løkken og Thomseheien 67](#). Ho er gift med Gustav Jansen og paret har to døtre.

Jordmor i Skien - og emissærkone

Klara Olsdtr vart døypr i Vestre Slidre prgj. [4/6-1882](#)^[#5]. Ho var komen til verda på [Øyråker](#) 2/2 s.å Foreldra hennar var, iflg. Ministerialbok nr. 5 for V Slidre, *Sergeant*, *ungkarl*, husmannson **Ole N Steine** på [Jome](#)eige og p(ige), gmdtr **Ingrid Olsdtr** på Øyråker. Ho **Ingrid**(Ingeri) var 'fullblods' Hemsedøl, dotter til Ole Pederson [Engene](#) og Kari Knutsdtr [Skar](#); f 1/1-, dpt [26/3-1848](#)^[#46] og konfirmert i Vestre Slidre [28/6-1863](#)^[#3]. Ole Pederson hadde kjøpt Øyråker lno 37 med skjøte tinglyst [2/11-1854](#). Sjå òg «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*» [side 146](#).(Permalekkje)

Ole(Ola) **N Steine** var f på [Steine](#) 30/9-, dpt [26/10-1856](#) ^[#79] og konf [21/5-1871](#)^[#13]. Foreldra hans var inderstparet Nils Tollefsen (*Steine eller Volden*) og Gjertrud Olsdtr. Dei hadde gifta seg [4/1-1851](#)^[#2]. Både **Ingrid Olsdtr** og **Ole**(Ola) **N Steine** vart seinare gifte på kvar sin kant.

Klara Olsdtr (Øraker) var busett på Braaten 37/5 i Øystre Slidre ved [FT1891](#) (skrive Kari Olsdtr). Ho vart konfirmert i Volbu krk. [16/5-1897](#)^[#2]. Ho budde framleis på Braaten (*Jørstad nordre, Braaten*) ved [FT1900](#). Framme ved [FT1910](#) finn vi at **Klara** er jordmor og bur i [Prinsessegate](#) 87 i Skien. (*Jordmødre frå Valdres* og jordmorstatistikk 1801, 1865 og 1910 [finn de her](#))

Så er det ein [nordfjording](#) som har gjort kur og vunne innpass hjå jordmor **Klara**. - [17/11-1912](#)^[#85] gifta ho seg med **Kristen Mathias Johnsen Slagstad**. Han var fødd på [Slagstad](#) i Gloppen 20/5-, dpt [1/7-1880](#)^[#18] og konfirmert i [Vereide krk.](#) [7/10-1894](#)^[#2]. Ved [FT1900](#) er han skriven *snedker* – og han bur på heimegarden saman med foreldra, kårfolka [Berte](#) og [John Slagstad](#) og ein yngre bror. **Kristen** har truleg hatt interesser som samsvarar med førenamnet sitt, vi finn han i [1910](#) som *Missionsselev* på [Missionsgarden](#) gnr 7/15 i Kvam, Vikør prgj ([Framnes vgs](#)). Misjonsskulen vart seinare flytta til [Fjellhaug](#) i Oslo.

Kristen Slagstad finn vi på «[Skiens bys matrikul pr. 1. januar 1930](#)» - [Lundegaten, matr no 10](#), skattetakst kr. 19 900, Brandtakst (1928) kr. 26 800.

Hjå DISgravminner finn ein **Klara Slagstad** død [14/3-1935](#) og *Emissær* **Kristen Slagstad** med dødsdato [28/1-1954](#), gravl 3/2 s.å. - Under same gravstein kviler [Maren Slagstad](#) [5/1-1891](#) – 26/7-1967. Eg vil tru ho er andre kona til **Kristen**. Alle tre kviler på Nordre Gravlund i Skien.

Ho kom til sine egne ([Joh 1:11](#)) – og der vart ho tenar men så kom det ein friar ...

I stubben om «[Saltfjord og Saltfjell](#)» er nemnt at **Sidsel Andersdotter** flytta til [Solum](#) i nedre Telemark. Vi skal i denne stubben leggje lupa over Sissel. Foreldra og besteforeldra hennar finn de meir om i «Saltstubben».

Sidsel var f på [Lundeeige](#) 20/1- og dpt i [Bruflat krk. 17/3-1839](#)^[#25]. Sidan kyrkjeboka for Bruflat i tida 1849-1876 er «gått opp i røyk» veit vi ikkje når **Sidsel** vart konfirmert. - Men vi finn henne att ved [FT1865](#), då er ho busett i [Tuftehagen](#) i [Fehn](#) teljekrins i [Holden\(Holla\) prgj](#).

Eg skal koma attende til familien i Tuftehagen i ein annan stubb, men kan no fortelja at **Sessel** i 1865 er tenestejente hjå morbror sin, **Hans Arneson**.

[14/4-1869](#)^[#7] har **Sidsel(Sessel) Andersdtr** synt fram flytteattesta si frå *Bruflat, Søndre Aurdal*. - og dette vart ført inn i ministerialboka for Solum. Ho hadde truleg med seg flytteattesta også medan ho budde hjå morbroren i Holla, men no venta det ei handling i [Solum](#) – der ein laut leggje fram nødvendig dokumentasjon.

Friaren ho **Sessel** hadde fått – han lydde namnet **Johan Kristian Andersen**. Han var fødd på Skaugen under [Bjørntvedt nordre](#) 14/5-, dpt i [Solum krk. 27/6-1841](#)^[#49], konfirmert i Solum krk. [19/4-1857](#)^[#20]. Eg kan ikkje med mi beste vilje meine at Solumpresten skreiv *fint* – heller tvertimot ! - Så langt eg tolkar handskrifta er foreldra til **Johan Kristian: dagarbeidar Anders Johnsen Skaugen** og **Maren Christine Andersdtr**,

[24/6-1869](#)^[#18] gifta **Sessel** og **Johan Kristian** seg i Solum kyrkje. Forlovarane kjem baa frå «Bugten», den eine er ein Andersson, den hin ein Johnsen – men førenamna deira er *gått tapt i trong marg*.

Sessel og **Johan Kristian** vart foreldre til dottera **Anne Marie**. Ho var fødd ^[#148], [heimedøypt](#) og døydd i Bugten [19/12-1869](#)^[#97]; gravl. 25/12 s.å. - Familien budde i Bugten då ei ny **Anne Marie** kom til verda 29/8-, dpt [27/10-1871](#)^[#116]. **Karl Andreas** var fødd 25/1-, dpt Skien [14/5-1874](#)^[#94]. **Johan Kristian** vart skriven *Sagmester* då dottera **Johanne** vart innført i kyrkjeboka. **Johanne** var f 10/7-1874 og døypt i Skien [2/2-1879](#) ^[#4].

Det vart mykje leiting etter konfirmasjonar til dei tre borna, men ingenting å finne. Det synte seg at familien var medlemmer i «[Luthersk Frimenighet](#)». Då slapp ein unna kyrkjebøkene, men folketeljaren og skattefuten kom like fullt på døra.

Familien hadde ved [FT1875](#) bustadadresse Bakkegade 397b, [Blegebakken](#) 397b ved [FT1885](#), Blege-bakken 397 i [FT1891](#), Strandveien 397b i [FT1900](#). I [FT1910](#) er bustaden Strandgade 397b – då var alle borna ute av reiret.

Karl Andreas var å finne i [FT1900](#) busett i Strandveien 397b/607. Han var då gift med **Marie** frå Mandal. Ho var dotter til [seminarist Johan Jensen](#) og [Hanne Claudine Tønnesen](#). **Marie** var f 26/2-, dpt [29/3-1875](#)^[49]. *Karl Andreas* var då «*Handelsbetjent v/ Manufakturforretning*». Familien budde ved [FT1910](#) i [Stockfleths gate 21](#), Sandefjord kjøpstad.

Borna var: **Thoralf Christian Breda** f Fartangen, Skien 29/11-1896, dpt [24/1/1897](#)^[#7]. **Sigurd** f 26/4-, dpt Skien [5/11-1899](#)^[#151]. **Rolf** f Hauan, Sandar 1/1-, dpt Sandar [14/2-1904](#)^[#12]. **Brynjulf** f Virik, Sandar 3/8-, dpt [24/9-1905](#)^[#55], etter DISgravminner gravlagd [Orelund gravlund](#) i Sandefjord [5/9-1963](#). Einaste jenta, **Randi Marie** f 12/8-, dpt Sandar [9/9-1906](#)^[37]. Eg vil tru det er henne vi finn død 13/3-1987, gravlagd [7/5-1987](#) i Sandefjord. Ho kviler under same gravstein som styrmann **Alf R Nilsen** [22/11-1908](#) – 3/7-1985.

Johanne budde saman med foreldra ved [FT1900](#). Her fann vi og ein *Skræddersvend*, **Joh. Emil Johans**. f 3/6-, dpt [21/6-1874](#)^[#51] i Tønsberg. Eg trur det er desse personane som er registrert som ektefolk i Strandgate 397b ved [FT1910](#). Dei er då foreldre til gutane **Harald Johan**, f Skien 17/1-1904 og **Øyvinn Rune**, f Skien 1/9-1905. **Johan Emil** er no *Skræddermester med egen forretning*.

Gardbrukarane på Haugåsmo i Grungedal

I stubben «*For at finne arbeide*» - [til Bryn på Voss 1855](#) såg vi at **Ola Trondson Garli** og **Gudve Knutsdotter Helland** gifta seg [21/6-1864](#)^[#34].

Familien braut opp frå Voss – og sette kursen over Hardangervidda mot Vinje. Som handelskar hadde gjerne Ola farta mot VestTelemark tidlagare. Utflyttingsattest var tillaga [29/6-1868](#)^[#79-82] og innskrive i kyrkjeboka på Voss - for **Ola, Gudve** og borna **Kirsti, Jørend** og **Anna**.

Det fyrste sporet familien let etter seg på austsida av vasskilet er dåp av sonen **Olaf**. Han var f på garden [Bergebyl/3-](#), dpt i [Øyfjell krk.](#) i Rauland prgj. [1/6-1868](#)^[#26]., konf [Grungedal krk.](#) [2/3-1886](#)^[#1]. Broren **Knut Olson** vart f på Berge 27/7-, dpt Øyfjell krk. [6/11-1870](#)^[#32] og konfirmert Grungedal krk. [3/6-1887](#)^[#3]. Då **Barbro** vart fødd, 16/1-1873 hadde familien flytta til [Haugåsmo](#) i Grungedal. **Barbro** vart døypt [11/4-1873](#)^[#12]. **Oline** vart f 5/7- på Haugåsmo, dpr [12/9-1875](#)^[#37] og konfirmert i Grungedal [6/4-1891](#)^[#15]. Yngstemann i barneflokk, **Torstein**, kom til verda på Haugåsmo 14/1-, dpt [22/4-1878](#)^[#13] og konfirmert i Grungedal [9/4-1893](#)^[#1]. Til sist Olaf f 30/8-, dpt Grungedal [10/10-1880](#)^[#35].

Lat meg også ta med at **Kjersti Olsdtr** var konfirmert i Vinje prgj. [25/6-1876](#)^[#40], **Anna Olsdtr** vart notert konfirmert i klokkarbok for Grungedal [8/6-1879](#)^[#9].

Gaardmandskone Gudve Knutsdtr på *Haugaasmo* i Vinje døydd [23. august 1882](#)^[#22], 46 år gamal iflg. kyrkjeboka. Ho vart gravlagd 3. september s.å. - *Gift Gaardbruger, handelsmnd Olav Tronson* f 1832 figurerer både i [ministerialbok](#)^[u.nr] og [klokkarbok](#)^[u.nu]. Dødsdato var 29/4-1886 og ministerialboka syner at han vart gravlagd i Sønedeled 5/5-1886, jordfesta 23/5 s.å. Ministerialboka for [Sønedeled](#)^[#9] gjev dødsårsak [Delirium trem.](#) og opplyser: «*Kom til Ole Lorentsen Sønedeled 29/4 kl 7 aften drukken -overstadig – fandtes død om formid. 11 1/2.*» - Slik enda Garlibygdingen sitt jordiske liv !

Det ser ut til at **Ola Trondson** (skrive Tvedten) hadde kjøpt *Løbe no 96 Haugaasmoen af Nordgaarden og Svalestuen med skjøte tinglyst 28/9-1872*. Så kjem ei innførsle av eit heimelsbrev «*i skifte efter Olaf Trondsen Haugaasmo og før afdøde hustru Gudve Knudsatter, sluttet 23 mai, thl 13. juni 1887, hvorved d. e. for taxten 1800 kr er udlagt Olaf Olsen Haugaasmo til eiendom og med panteret til:*»

[Neste folio](#) for garden no med *Gaards N^o 74, b N^o 1* syner at **Olaf O Haugåsmo** 24/6-1898 selde *et stykke af Aamborakvæen til Olaf Johnsen Haugaasmo d.æ.* - Så skjøter Olaf Olsen eiegenomen vidare til syster si, **Kirsti Olsdtr** med skjøte datert og tinglyst 13/3-1890. **Kirsti** sel så garden til Eivind Aanundsen Bekhus for kr. 3000 med skjøte dat 20/3-, tgl 22/4-1907.

[FT1891](#) for Haugåsmo syner at syskena **Kirsten, Barbro, Oline, Torstein** og **Olav** bur på garden. Eg reknar med at det er *vår Barbro* som ved [FT1910](#) er tenestjente på garden Reinen i Mo ([Reini i Tokke](#)). **Jøren** (f.1864) og **Olav** (f.1880) hadde reist attende til Voss. Dei var ved FT1910 i arbeid på garden [Herre](#) øvre, gnr. 207/1 i Bordalen på Voss

74	Haugåsmo			
1	Haugåsmoen	1 mark 65 øre	Halvor Haugåsmo	
2	Haugåsmo	0 mark 81 øre	Olav og Kjetil Haugåsmo	Haugåsmoen (overstrøket)
3	Omburkvæven	0 mark 02 øre	Halvor Haugåsmo	

Frå «Matrikkelutkastet 1950»



Frå <http://www.seeiendom.no/>

Ole Olsen Næste, Ungkarl og Grubearbeider i Bamle

- dottera Olga Marie vart fødd på Valdersberg

Slik er det notert i Ministerialboka for Sannidal [11/4-1876](#)^[#4] då **Ole** vart gift med *pige Ingeborg Maria Olsdatter Søndbø*. Her finn vi også at brudgommen var frå Valdres og brura var fødd i [Sandøkedal](#) (Sannidal.). Forlovarane var [kirketjener](#) Hans Jørgensen og Nils Andersen Bamle.

Ola Olson var fødd på [Neste](#) 14/7-, dpt [Slidredomen](#) [4/8-1850](#)^[#66]. Han var skriven *Næste Eie* ved konfirmasjonen [2/7-1865](#)^[#33]. Foreldra var [Ola Person](#) (1807-1872) g [4/2-1843](#)^[#3] [Gunhild Ivarsdtr](#) (1825-1911). Dei var busette som husmannsfolk under *Næste* lno. 119 i Vestre Slidre ved [FT1865](#). Familien er nemnde på plassen Bondeby, [side 536](#) i «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*».

Ingeborg Olsdtr, dotter til *skibstømmermand Ole Isaksen* og [Gunhild Marie Thorbjørnsdtr](#), var fødd på [Bratøe under Frøvig](#) 10/7-, dpt [3/8-1856](#)^[#106], konf [Sannidal krk.](#) [14/5-1871](#)^[#27].

Ingeborg Maria og **Ole O Neste** vart foreldre til desse borna: **Gunhild Marie** ^A (oppkalla etter mormora) f [Søndbø](#) 1/6-, dpt Sannidal [9/7-1876](#)^[#49], konf Sannidal [5/10-1890](#)^[#11]. **Gunhild Olette** ^B f [Ramsåsen](#) 19/10-, dpt [17/11-1878](#)^[#64], konf [1/10/1893](#)^[#4]. **Anna Regine** ^C f Ramsåsen 23/4-, dpt [26/5-1881](#)^[#28], konf [6/10-1895](#)^[#2]. **Ole** ^D f Bjørnsvik 12/10-, dpt [28/10-1883](#)^[#66], konf [2/10-1898](#)^[#18]. **Olga Marie** ^E f Valdersberg 20/5-, dpt [4/7-1886](#)^[#18], konf [30/9-1900](#)^[#29]. **Ingvald** ^F f Valdersberg, [Kil](#) 22/4-, dpt [22/4-1889](#)^[#12], død av *kighoste/halskatarr* [28/2-1890](#)^[#3], gravl./jordfesta Sannidal 7/3- s.å.

Yrkesnemninga til **Ola O Neste** er desse: 1876: grubearbeider; (1878: Leilænding); 1881: murer; 1883: stenarbeider; 1886: [graastensmurer](#) og 1889: stenarbeider. Kvar gravene Ola arbeidde i låg, er ikkje nemnt i dei kjeldene eg har funne. Men de kan lesa i «[Malmdatabasen](#)» og om [Bamblefeltet](#) hjå Wikipedia.

[FT1891](#) ([Husliste #17](#), Personskjema [f.o.m.](#) [t.o.m.](#)) plasserer familien under garden [Kil gnr 23/6](#) i Sannidal. **Ola** vart då skriven «Huseier, Stenarbeider». **Ingeborg Marie** døydde av tæring på Homlestad-plassen [17/3-1892](#)^[#9] og vart gravl./jordfesta ved Sannidal krk. 25/3 s.å.

Bustadnamn ved [FT1900](#) var Braatane gnr 23/6. **Ola Næste** var då enkjemann. Sonen **Ole** ^D og døtrene **Gunhild Olette** ^B og **Olga Marie** ^E bur saman med faren. [FT1910](#) syner at **Ole O Neste** hadde flytta på seg, Han var då leigebuar på Nystad gnr 21/181 i Solum herad. [Gardsnummer 21 i Solum](#) er [Bjørntvedt](#).



Fleire av døtrene til Ola Neste budde i Kragerø – Her er nokre Kragerøbilete frå 4. juni 2004 (Foto OHF)

Vegoppsynsmann i Drangedal

og «*den staselige politilua etter tidligere eier, lensmann Hovelsrud*»*

[3. dag jul 1886](#)^[#3] var det bryllaup i [Tørdal kyrkje](#) i Drangedal prgj. - **Susanne Malene Andreasdr**, 20 år gamal, frå [Holmene](#), gifta seg med *Veioppsynsmand* **Ole Hovelsrud**, 38 år gamal, frå *Nordre Aurdal* i *Valders*.

Susanne Malene var fødd 30/1-, dpt [11/3-1866](#)^[#3]. Foreldra hennar var gaardmd [Knud Andreas Thorsen](#) og [Mariken Andrea Halvorsdr](#). (dei er nemnde på [sidene 618/619](#) i *Drangedal med Tørdal: ei bygdesoga*)

Ola Nilsson, son til Niels Engebrets og Marit Olsdotter, kom til verda i nerre Garli 29/7-, dpt i [Skrautvål krk.](#) [29/10-1848](#)^[#47] og vart konfirmert i Skrautvål [14/6-1863](#)^[#22]. Han var den nest yngste i ein barneflokk på åtte. Ved [FT1865](#) er **Ola** busett på [Håvårsrud](#) (Hovaldsrud) lno 105 i Nord-Aurdal prgj. For ordens skuld nemner eg at Ola Nilsson var firmenning med ei av oldemødrene mine på morsida – og ei av oldemødrene mine på farsida.

Sonen **Nils** vart f på Holmene 13/3-, dpt i Tørdal krk. [1/5-1887](#)^[#7]. **Rasmus Andreas** kom til verda 11/2-, dpr Tørdal krk. [31/3-1889](#)^[#13]. Familien budde ved [FT1891](#) på Holmene, gardsnr 62/6 i Tørdal teljekrins, Drangedal prgj. ([Husliste](#), [Personsedlar 1,2,3,4](#)).

Susanne Malene døydde av tæring [19/4-1891](#)^[#4]. Ho vart gravlagd ved Tørdal krk. 27/4- og jordfesta 7/5 s.å. Etter dette har **Ola Nilsson** og sønene flytta frå Tørdal – og [Holmane gjekk ut or slekta](#).

Vi finn **Ola**-(skrive Olav), **Nils**- og **Andreas** Hovelsrud på nedre [Sinnæs](#) gnr 12/4 i Vrådalen sokn i Kvitseid prgj. ved [FT1900](#)^[#011-013]. Ola er framleis vegoppsynsmann. **Nils Olsen Hovelsrud** vart konfirmert i [Vrådalen kyrkje](#) [29/9-1901](#)^[#7]. og broren **Rasmus Andreas Hovelsrud** [4/10-1903](#)^[#3].

[Hylland evri gnr. 38/1](#) i Hylland-Aabø teljekrins i Vinje prgj. er bustad for **Olav Nilsson Hovelsrud**, *Opsynsmand ved statens veivæsen* og sonen **Nils Olavson**, *Vegarbeider, Korporal* ved [FT1910](#)^[#014,015]. **Andreas Hovelsrud** finn vi ved [FT1910](#) i Osebakken, Bratbergsgate 252b i Porsgrunn kjøpstad. Han er «*Teknisk elev*». Han var vel elev ved Skiensfjordens skole, seinare [Telemark ingeniørhøgskole](#).

Vegoppsynsmann **Nils Hovelsrud** fann seg ei jente frå Vinje, **Margit Aanundsdotter Berge**. Dei gifta seg i [Brunkeberg krk.](#) [16/11-1914](#)^[#6]. Lysingsprotokollen fortel at «*Bruden har attest fra Vinje sogneprest*» - *For Ægteskabets Lovlighed indestaar: Torbjørn B Tempelen og Olav E Sunde*.

Margit var dotter til gardbrukar **Anund Olson Berge** og **Signe Aslaksdr**, f 2/10-, dpt [Vinje kyrkje](#) [23/10-1887](#)^[#12], konfirmert [Nesland sokn](#), Vinje prgj. [3/3-1903](#)^[#17]. Ho er ved [FT1900](#) registrert saman med foreldre og fire sysken på [Berge, gnr 17/1](#) i Vinje herad. Her bur ho også ved [teljinga i 1910](#), med ansvar for *kreaturstel og husl. arb.* De finn omtale av garden i «*Norske gardsbruk*», Telemark fylke bd. 2 [side1068](#).

Margit og **Nils** vart foreldre til borna **Magne Olav** ^A f Kaasa 27/2-, dpt [Brunkeberg krk.](#) [26/3-1916](#)^[#4]. **Signe** ^B f 22/10-1918, dpt [Brunkeberg](#) [12/1-1919](#)^[#2]. **Ånund** ^C f 6/10-1921, dpt [15/1-1922](#)^[#1] og til sist **Susanne Erly** ^C f 5/3-, dpt [29/5-1924](#)^[#3].

*Sitatet i tittelen syner vel til at (lensmann) Nils Hovelsrud åtte Bergestig gnr 23/39 i dåverande Lårdal herad.

39	Bergestig	0 mark 01 øre	Nils Hovelsrud
----	-----------	---------------	----------------

Enkjemann, oppsynsmann **Olav N Hovelsrud** døydde [28/4-1927](#)^[#1]. Han vart gravlagd og jordfesta ved Brunkeberg kyrkje 5/5 s.å. ([DISgravminner](#))

Hjå DIS-gravminner finn vi at lensmann **Nils Hovelsrud** døydde [14/3-1957](#), gravl 22/3 s.å medan **Margit** døydde [2/4-1960](#), gravl 8/4 s.å. Dei kviler på [Eidsborg kyrkjegard](#) i [Tokke](#). Hjå GENI finn eg via Googlesøk to profilar ([1](#), [2](#)) for lensmann Hovelsrud. <http://www.heggtveit.no/slekt/web/f2382.htm> har og med **Nils, Margit** og 4 born i databasen.

Signe ^B døydde [2/2-1997](#), gravl. 7/2 s.å medan **Ånund** ^C døydde [21/7-1994](#), gravl. 26/7 s.å. Dei kviler også ved Eidsborg krk.

Magne Olav ^A døydde [16/4-1997](#), gravl 23/4 s.å. I same grav ved Vinje kyrkje finn vi **Anne Hovelsrud** f 4/7-1919, død [20/7-2010](#), gravl 27/7 s.å.



Salpeterarbeidar på Notodden 1918

Ei stilisert utgåve av vikingskipet vart logo for Norsk Hydro



Ole Andersen, gift, [salpeter](#)arb. f 1886.4.4 *Nordre Aurdal, Valdres* døydd av «*Lungebetændelse, hjertelammelse*» på Notodden [31/12-1917](#)^[#42]. Han vart gravlagd 7/1-1918. Det er freistande å tru at han var eit av dei mange offera for [Spanskesjuka](#).

Notodden historielag har ei fyldig omtale av «[den store industrireisinga](#)» frå Rjukan til Grenlandsområdet. Endringa i folketal ved teljing 1900 og 1910 (Heddal 1900:3924; 1910:7836 – Tinn 1900:2429; 1910:4898) syner mest ei dobling av folketalet i perioden. At gjetord om denne industribygginga også fekk folk frå Valdres til å flytte til nye arbeidsplasser er ikkje underleg. Sjå òg «[Hydro 100 år i fremgang..](#)»

Ole(Ola) Andersson var f på [Grøslin](#) 4/4-1913, dpt i [Skrautvål krk.](#) [14/6-1886](#)^[#13], konfirmert [28/5-1901](#)^[u.nr.]. Foreldra var [Anders Olson](#) (1859 - 1927) og [Anne Ivarsdtr](#) (1864 -). Ved [FT1891](#) var familien busette på [Husikampen](#) gnr 14/12, i [FT1900](#) finn vi dei på [Døvresøydgården](#) gnr. 14/6. [FT1910](#) syner at **Ole Døvresødegard** er skiferarbeidar ved A/S [Valdres skiferbrudd](#) i Øystre Slidre,

[1/7-1913](#)^[#7] gifta **Ola** seg i [Hov krk.](#) med **Karoline Hansdtr.** Ho var dotter til selveier Hans P Kristiansen og Kristine Andreasdtr., f 23/9- på [Granums](#)eige i Hov, dpt Hov [19/10-1884](#)^[#35] og konfirmert Hov krk. [1/10-1899](#)^[#19]. Ho er busett på Opperdud både ved [FT1900](#) og [FT1910](#), - Sonen **Asbjørn** vart fødd på Svendsrud i Hov 6/2-, dpt Hov krk. [6/6-1914](#)^[#17].



Vangsgjelding vart slaktar på Rjukan

Han åtte gjerne ei [slaktemaske](#)



Ministerialbok nr. 12 for Skien syner at **Ole Ødegaarden**, *slakter i Tinn* gifta seg [25/4-1910](#)^[#60] med **Gunhild Olavsdtr Bøle**, *hvj.datter Seljord*. Same innførsle finn ein òg med #0, [25/7](#) i Ministerialbok nr. 1 for Rjukan. Her er notert at **Ole** er slagter, [Såheim](#).

Ole var son til Ole(Ola) Olson [Jevneødegaarden](#) og [Randi Olsdtr.](#)(gifte [23/3-1880](#)^[#5]). Guten var fødd 8/12-1879, dpt i [Vang krk.](#) [26/3-1880](#)^[#8] og konfirmert [6/5-1894](#)^[#12].

Ved [FT1891](#) bur **Ole Olson** på *Ødegaarden* saman med foreldra, fire brør og mormora. [FT1900](#) syner at familien bur på *Ødegårdsbakken* gnr. 87/2. Her finn de [Panteboksbladet for gnr. 87/2](#). Garden er omtala i «*Gardar og slekter i Vang*», band B [side517](#).

Gunhild Olavsdtr var fødd på *nordre Bøle* i Seljord 19/6-, dpt Seljord prgj. [20/7-1879](#) ^[#69] og kon-firmert [21/10/1894](#)^[#5]. Ho budde ved [FT1891](#) på Bøli nordre [gnr 86/1](#) i Svartdal teljenrins i Seljord prgj. Ho var dotter til [Olav Johnson](#) og [Guro Bjørnsdotter](#). Bygdeboka «*Seljord 2*» har omtale av nordre Bøle på [side 634](#). ([Permalenke](#)) - Nordre [Svadde](#) var bustad for **Gunhild, Ola** of sonen **Ola Olss.** ved [FT1910](#).

Gunhild og **Ola Ødegårdsbakken** vart foreldre til desse: borna **Olav** ^A f Såheim 8/9-, dpt [9/10-1910](#)^[#21], død [3/7-1981](#). **Ragnvald** ^B f 28/12-1911, dpt [28/4-1912](#)^[#16], død [20/12-1929](#), gravl. [Dal kyrkjeg.](#), Tinn 28/12-1929. **Randi** ^C f Svadde 6/7-1913, dpt Dal krk. [28/8-1913](#)^[#40]. **Gudrun** ^D f Mæland 22/2-1915, dpt [4/3-1915](#)^[#8], død [7/3-1915](#)^[#3], gravl 13/3 s.å.

Bukhinnetuberkulose er oppgjeve som dødsårsak då **Ola Ødegaardsbakken** tok avskil med det jordiske liv [28/9-1916](#)^[#17]. Han vart gravlagd/jordfesta 6/10 s.å. DISgravminner syner at **Gunhild Olavsdtr** døydd [4/9-1960](#). Ektefolka kviler under same stein på Dal kyrkjegard på Rjukan saman med borna **Gudrun** og **Ragnvald**.

Han var vel ikkje frå Ådalen ?

[Folketeljinga 1900](#) for Berge gnr. 12/9 i Lunde herad, Telemark syner av gardkona, **Bergit Annersdtr. Berge** er fødd i Søndre Aurdal (Valders). Ti år etter ([FT1910](#)) fortel teljinga at ho er fødd i Valdres 2/3-1866. Desse opplysningane leier meg til å tru at **Ber(g)it** var fødd 2/3-1886 og døypt i i [Hedalen krk.](#) [26/3-1865\[#11\]](#) med foreldre husmannsparet [Anders Olson Piltingsrudhullet](#) og [Gunhild Johnsdtr.](#) Ministerialboka har skriveforma **Berit** som namn ved dåp (sjå [parallellnamn Berit /Bergit](#)). - **Berit** vart konfirmert i Hedalen [27/6-1880\[#2\]](#). «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» har dette om Berit – på side 154:

1. Berit f 1865, til Amerika, seinere til Norge, gm Sveinung Røste, Ådalen, til Telemark.


Sveinung Sveinungson kom til verda 15/8- og vart dpt i Bø prgj. [23/8-1863\[#83\]](#). Han vart konfirmert i [Lunde krk.](#) [6/10-1878\[#7\]](#). Lunde vart i 1964 slege saman med Holla – men nytt kommunenamn [Nome](#). - *Så langt eg fattar dette, har **Sveinung Sveinungson** ikkje noko med Ådalen i Buskerud å gjera !*

Foreldra til **Sveinung** var [Sveinung Sveinungson](#) og [Anne Tarjersdtr.](#) Vi finn [Anne](#) i [FT1891](#), busett på Kaasa gnr. 12/13 i Lunde herad.


Berit og **Sveinung** vert opphav til denne barneflokk, alle døypte og konfirmerte i Lunde krk.: **Sveinung** **A** f 6/3-, dpt [3/4-1892\[#28\]](#), konfirmert [16/9-1906\[#14\]](#). **Anders** **B** f 16/10-, dpt [29/10-1893\[#28\]](#), konf [29/9/1907\[#6\]](#). **Olav** **C** f 1/6-, dpr [\[#10\]](#), konf [13/10-1912\[#3\]](#). **Thorvald** **D** f 11/1-, dpt [10/3-1901\[#3\]](#), konf [12/9-1915\[#14\]](#). **Gunnar** **E** f 26/3-, dpt [17/4-1904\[#10\]](#), konf [6/10/1918\[#14\]](#).



Av «*Norske gardsbruk – Telemark*» ([Permalenke](#)) band 2, [side 950](#) ser det ut til at **Sveinung** **A** tok over Berge gnr. 12/9 i 1937. og gifta seg i 1942 med Ingeborg Kåsa. - **Anders** **B** gifta seg i Lunde krk. [28/8-1920\[#10\]](#) med **Asborg Aslaksdtr** Lundtveit, dotter til [Aslak Aslakson](#) Lundtveit og [Ingebjørg Bredesdtr](#) f 10/7-, dpt [16/7-1899\[#656\]](#) konf [5/10-1913\[#22\]](#). - **Torvald** vart gift i Skien [9/2-1923\[#17\]](#) med **Margit Marie Halvorsdtr** Verpe, dotter til [Halvor Sveinungson](#) og [Dordi Pedersdtr.](#) f 30/9-, dpt [25/10-1903\[#25\]](#), konfirmert [7/10-1917\[#24\]](#).



Det store Sveinungfylket



	1801	1865	1900
Østfold	15	13	6
Akershus			5
Kristiania			6
Hedmark		1	4
Buskerud		1	9
Vestfold		1	6
Telemark	90	173	324
Aust Agder	14	38	63
Vest Agder		2	3
Rogaland	2	16	7
Hordaland		4	4
Nordland			1
	121	245	433

	1801	1865	1910
Heddal	22	2	65
Bø		45	44
Seljord	8	34	27
Lunde			25
Kvitseid	27	15	25
Vinje	13	12	17
Nissedal			14
Solum			14
Holla			14
Sauherad			13
Gransherad			9
Hjørtadal			8

Om lag 3 av fire med namnet Sveinung budde ved FT1801 i Telemark. For FT1865 er talet 7 av 10 medan ein i FT1910 finn at 74 % av Sveinungane er busette i Telemark.

Om namnet lyt eg sitere [Norderlenske fyrenamn: namnebok – side 346](#): «avleitt med -ung truleg frå m. Svein um son eller annan ætting frå ein Svein. Sjø Svein, Sveining, Sveinke og -ung. Gn. Sveinungr, -s, -i. Island kring 900-1200 ... i norske målføre Sveinung Naumardal, Telamork, Aust-Agdir, Rogaland og Hardanger.

Aasen, «Norsk navnebog», [side 38](#), syner at namnet finst i Kbg (Kongsberg), Tel(Telemark), Num(Numedal), Hard(Hardanger), Ryf(Ryfylke)

Tyngdepunktet til førenamnet Aslak

ser ut til å vera i Telemark/Aust Agder

Aslach, Aslak, Aslag

Asle

Område / År	1801	1865	1910	1801	1865
Østfold	69	15	18		
Akershus	24	8	12		
Kristiania	3	6	19		
Hedmark	8	10	15		
Oppland	30	30	24		
Aurdal	20	22	18	0	3
Slidre	6	3	2	0	0
Vang	3	4	4	0	0
Buskerud	54	37	54		
Nes	23	14	13	27	34
Ål	11	8	11	50	71
Vestfold	8	6	8		
Telemark	165	431	341		
Aust Agder	118	223	212		
Vest Agder	70	45	50		
Rogaland	78	113	52		
Hordaland	74	93	52		
Bergen	1	10	7		
Sogn og Fjordane	26	43	34		
Møre og Romsdal	65	137	87		
Sunnmøre	5	0	5		
Romsdal	54	123	76		
Nordmøre	6	14	12		
S Trøndelag	0	5	5		
N Trøndelag	0	0	7		
Nordland	0	3	32		
Troms	15	20	16		
Finnmark	68	126	198		
	688	1255	1101		

[Wikipedia](#) her ei oversikt over bruken av **Aslak** i det norrøne namneområdet.

Sjå [Norderlenske fyrenamn](#)(s 418): *Åslåk, Aslak og Åsleik m.: Han som gleder jordeigaren. Side 40/41: Asle, Åsle og Atle m., isl. Atli gm. Atli, truleg av eit opphavelig nl. minkingsord avleitt med -li frå eit barneord *atti ha. Far, soleis at Atli tyder liten far.*

Førenamnet **Asle** høyrer til på Austlandet. I Trøndelag er desse namneformene (Aslak/Aslag eller Asle) mest ikkje brukt.

I «*Fogderifylket*» Møre og Romsdal – med tre målføreområde – der ser ein at bruken av desse førenamna jamnar seg ut over ei hundreårsperiode. Men tyngdepunktet er Romsdal, der ein har større skyldskap sørover enn til Sunnmørsk og trøndsk på Nordmøre.

Frå tabellen ovanfor fell tyngdepunktet av **Aslak/Aslag** i Telemark/Aust Agder. For ein Valdris vil namnet **Asle** få tanken på tur vestover, til grannane våre i Hallingdal.

Både **Aslak** og **Asle** har karra seg gjennom nålauga ([side 35](#)) til Ostereidet mållag si bok «*Pene namn*». Som nemnt i ein annan namnebolck kan vel kva som er «*fine/vene namn*» drøftast i lang tid Tidene endrast – og vi med dei - eitt og anna lyt ein ha å kivast om !

Hans Arneson

Fargar, inderst, husmann og frihandlar frå Etnedal til [Holla](#) i «Midt-Telemark»

.. og ein meister i å gøyme seg bort ..

Han **Hans** har ved fleire høve gjort sitt beste for å lure meg – både ved FT1865 og ved opplysningane om dødsfall. Det var brordotter hans, *Sissel Andersdotter*, som fekk meg til å skjønne kven han **Hans** var – og *kvar* han hadde gøymt seg. Meir om *Sissel* i stubben «[Men så kom det ein friar](#)»

Hans Arneson kom til verda 2. juli i [meFjell](#) i Bruflat sokn, *Søndre Ourdahls prgj.* Foreldra, **Arne Johannesson** og **Marit Hansdtr** hadde guten med til Bruflat kyrkje [8/8-1819](#)[#51], der guten vart døypt - og kalla oppatt etter morfaren, **Hans Person** frå Rud i Aurdal. Syster til **Hans Arneson**, **Kari Arnesdotter**, er omtala i stubben «*Synnafor Saltfjord og nordafor Saltfjell*».


[24/8-1834](#)[#13] vart **Hans Arneson** konfirmert i [Bruflat kyrkje](#), han vart då skriven *Espeli-Eje*. Etter dette kjem inga «*ping frå sonaren*». - Ser vi på [FT1865](#) Tuftehagen i Holla prgj. - då finn vi ein husmann, **Hans Arnesen**, med fødestad «*Søndre Uvdahl*». Ser vi nærare på den [skanna utgåva](#) av teljinga for Tuftehagen, tyder det meste på at ein ved avskrivning har tolka **Urdahl** som **Uvdal**. Då **Hans** døydde er fødestad skrivi *Nordre Aurdal*. - Men som vi skal sjå om litt, ein profesjonell bygdebokskrivar kan også gjera feil. Han har misstolka Holdens prestegjeld (Holla) og fått det å bli Halden (i Østfold).

Tuftehagen	11	Hans Arneson	49	49	Sissel Andersdotter
		Clive Christoffer	47	47	Arnesen

Oline Olsdtr var fødd på [Fyldeng](#) ([Føleng](#) søndre) i Aremark, Østfold 1/5- og vart dpt i [Aremark krk.](#) [7/5-1820](#)[#27] og konfirmert i Aremark krk. [27/9-1835](#)[#16]. Foreldra hennar var **Ole Aslachs Fyldeng** og **Johanne Olsdtr**. Tre Fyldeng-gardar er nemnde i «*Norske gardsbruk*» Østfold 1942, bd I, [side 84/85](#).

Kvar og når **Oline** og **Hans** gifta seg har eg enno ikkje funne, men dei var i alle fall ektefolk då dei døypte sonen **Martinus** **A** i Holla krk. [10/2-1852](#)[#73]. Faren er skriven «*Farver*». Guten var fødd i Tufte-hagen 21/9 s.å. Han vart konfirmert i Holla [4/10-1868](#)[#5]. **Ole Andreas** **B** kom til verda i Tuftehagen 17/10-, dpt [2/12-1855](#)[#111], konfirmert [17/10-1869](#)[#29]. **Amalie** **C** f Tuftehagen 18/1-, dpt [21/2-1858](#)[#23], konf [29/9-1872](#)[#33]. **Hans Olai** **D** f 10/1-, dpt [24/3-1861](#)[#26], konf [10/10-1875](#)[#10]. Hans var skriven *Frihandler (omsetjing av varer utan fast utsalgsstad)* då dottera **Anne Helene** **E** vart fødd 21/2-, dpt [14/4-1865](#)[#30]. Ho døydde av *mavekjertelsyge* [21/5-1866](#)[#57], gravl. ved Holla Krk. Yngst i flokken var **Anton Henrik** **F** f 25/5-, dpt [23/6-1867](#)[#47], konf [1/10-1882](#)[#24].

Gdbgr, g.M. **Hans Arnesen** døydde i Tuftehagen [28/6-1887](#)[#17]. Han vart gravlagd 8/7- og jordfesta 10/7 s.å ved Holla krk. Kreft er oppgjeve som dødsårsak.



Martinus **A** treffer vi på i [Tomter krk.](#) i Vallset [16/3-1876](#)[#2] då han gifta seg med **Anne Pauline Olsdtr** Hval, dotter til **Ole Pedersen** og **Syverine Johannesdtr**. Ho var fødd på **Hval** i Vallset (Romedal prgj.) 20/8-, dpt [31/8-1856](#)[#116] og konfirmert [29/9-1872](#)[#1]. Vi finn henne ved [FT1865](#) busett på **Hval nedre**, eldst av sju sysken. Hval nedre løpenr 133a var bustad ved [FT1875](#). - *Romedalsboka, band 4*, fortel

på side 544 at **Martinius** var bestyrer av Tomter Spareforening - og - at han var frå **Halden**, noko vi veit er feil!

Anne Pauline og **Martinius** ^A var foreldre til: **Hans Olaf** ^{A1} f 4/9-, dpt Romedal prgj. 8/10-1876[#52], konf Holla 2/10-1892[#3]. Så kom **Selma** ^{A2} f 25/8-, dpt Romedal 10/11-1878[#53], konf Holla 1/10-1893[#33]. **Olava** ^{A3} f 30/11-1880, dpt Romedal 9/1-1881[#6], konf Holla 6/10-1895[#45]. **Johan** ^{A4} f Holla 29/6-, dpt 26/8-1983[#39], konf 26/9-1897[#38]. **Anna** ^{A5} f 14/9-, dpt 1/11-1885[#26], konf **Nes krk.**, Sauherad 14/10-1900[#27]. **Kirsten Amalie** ^{A6} f 16/10-, dpt 27/11-1887[#46]. **Paul Severin** ^{A7} f 11/5-, dpt 6/7-1890[#28]. **Hans Oskar** ^{A8} f 14/6-, dpt 20/8-1893[#44]. **Paula Marie** ^{A9} f 1/11-1895, dpt Holla 12/1-1886[#2]. **Olga Eleonore** ^{AX} f 11/1-, dpt 20/2-1898 #2]. **Einar Martin** ^{AY} f Årnes, Sauherad, 16/5-, dpt 15/9-1901[#21].

Familien finn vi ved FT1891 på Tuftte gnr 23/3 i Fæhn teljekrins i Holla [Husliste, Personskjema: 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9]. Dei har flytta til **Årnes** under gnr 94/6 i Sauherad ved FT1900. De finn bilete frå **Årnes brygge** hjå DigitaltMuseum. FT1910 syner familien busette på **Moheim gnr.78/25** i Sauherad.

Selma ^{A2} gifta seg med lærar og kyrkjesongar **Asbjørn Kluge**, son til lærar **Lauritz Kluge** og **Karen Pedersen**, f Hof i Solør 1/6-, dpt Hof krk. 18/7-1880[#18], konf 25/9-1895[#38]. Ved FT1900 var han huslærer hjå familien Trønnes på **Ophus** nordre gnr 6/15 i Stor-Elvdal.

Selma ^{A2} og **Asbjørn** får desse borna: **Kjell** ^{A21} f **Nysæter skole**, Hof f 27/3-, dpt 7/8-1904[#12]. **Aslaug** ^{A22} f **Nysæter** 5/4-, dpt **Arneberg krk.** 10/6-1906[#13], død 17/8-1983, gravl. 25/8 s.å.; tvillingen **Leif** ^{A23} f **Nysæter** 5/4-, dpt **Arneberg** 10/6-1906[#11], død 14/4-1990, gravl 21/8 s.å. **Sigbjørg** ^{A24} f **Nysæteren** 29/5-, dpt **Arneberg** 18/8-1907[#9]. Trillingane **Olaug** ^{A25}, **Thora** ^{A26} og **Gudrun** ^{A27} f **Aasas(Åsnes?) skole** (**Nikolaihaugen**) 8/2-, dpt Hof krk.12/8-1911[#20, 21 & 22]. **Ole Albert** ^{A28} f **Aasenæs skole** 27/5-, dpt Hof krk. 17/11/1912[#25], død 29/1-1980, gravl. ved Hof krk. 1/2 s.å. - Familien budde ved FT1910 på **Nico-laihaugen** gnr 5/2 i Hof herad. Les om **Åsnes kommune** (skapt av **Schei-komiteen**) hjå Wikipedia.

Kjell Kluge ^{A21} døydde iflg DISgravminner 10/5-1974. Han er gravl. ved **Åsnes krk.** Under same gravstein kviler **Synnøve Kluge** f Hansen (20/1-1911 – 1/11-2004).

Sigbjørg ^{A24} **Kluge** vart i 1933 gift med **Ola Kolbjørn Østmoe**. *Norske Gardsbruk, Hedmark* utg. 1943 fortel på side 622 at dei har borna **Bjørg** ^{A241} f 1934 og **Håkon** ^{A242} f 1938. **Ola Kolbjørn** var son til landhandlar **Håkon Østmo** og kona **Augusta Olsdtr.** Han var f 29/7-, dpt Hof 26/8-1888[#21], konf 2/10-1904[#25]. Han døydde 19/10-1971, **Sigbjørg** ^{A24} døydde 12/1-1974. Dei er gravlagde ved Hof krk.

Olaug ^{A25} **Kluge** vart i 1936 gift med **Ole Beitnes**, son til **Halvor Beitnes** og **Berte Severinsen**. Han var f 30/4-, dpt Hof krk. 12/5-1904[#5], konf 5/10-1919[#9]. Frå *Norske Gardsbruk, Hedmark* utg. 1943 finn vi på side 623 at dei har borna **Liv** ^{A251} f 1937, **Thorunn** ^{A252} f 1939 og **Grethe-Solvor** ^{A253} f 1941. **Olaug** ^{A25} døydde 24/4/1974 og **Ole** døydde 17/6-1986. Dei er gravlagde ved Hof kyrkje.

Thora ^{A26} gifta seg med **Brede Beitnes**, ein yngre bror av før nemnde Ole Beitnes. Han var f 27/4-, dpt 30/5-1909[#15]. Gravsteinen ved Hof krk. syner at **Brede** døydde 25/4-1887, gravl. 30/4 s.å. medan **Thora** døydde 8/2-1991, gravl. 14/2 s.å.

Ein **GEN**profil gav, «*mot normalt*» gode kjeldeopplysningar! - Hjå Byfogden i Kristiania, 21/11-1924 vart frøken **Olava** ^{A3} **Hansen** vigd til **høiesterettsadvokat Sverre Prydz**. Lat oss ta med at **Namneskiftet** frå Kristiania til Oslo kom 1/1-1925.

Hans Oskar ^{A8} finn vi, hjå DISgravminner, død 14/6-1953, gravl. 18/6 s.å. på Sauherad kyrkjegard. Neste gravnr. er **Tora Hansen**, dotter til **Tov Olson** og **Tove Olsdtr Kaljord**, f 10/11-1900, dpt Sauherad 6/1-1901[#2].



Ole Andreas ^B fann seg ei jente frå nærområdet, **Laura Henriette Olsdtr.** Ho var f 13/3-, dpt i Skien 6/6-1858[#59] og konfirmert i Helgen krk. 29/9-1872[#2]. Foreldra hennar var salmakar **Ole Larsen** og **Maren Hansdtr.** Vi finn familien ved FT1865 busette på **Kolle** i Helgen sokn, Holla prgj. Kan dette vera tidl. **Løpenr 83**, seinare gnr 46/4 ?

Laura Henriette og **Ole Andreas** ^B fekk dottera **Olga Marie** ^{B1} f Jøntveit 26/9-, dpt 5/11-1882[#10]. Ho var skriven «*telegrafistinde*» då ho gifta seg i **Seljord krk** 29/12-1909 [#15] med **lensmannsfullmektig Svein Sveinsson**, son til kyrkjiesongar **Olav Sveinson** og **Gunhild Høljesdtr.** f på **Utbøen** 28/6-, dpt 22/7-1877[utan nr.], konfirmert **Seljord** 23/10-1892[#20]. **FT1910** plasserer familien på **Mogane, Seljord.**

Svein og **Olga Marie** ^{B1} vart foreldre til **Hildegunn** ^{B11} f 30/9-, dpt 13/10-1910[#17], **Olav** ^{B12} f **Mørkholt** 16/10-, dpt 17/11-1912[#19], død 7/3-1986, gravl. 14/3-1986 **Seljord kyrkjegard.** **Helge** ^{B13} f 10/6-, dpt 26/7-1914[#14].

Amalie ^C gifta seg i **Holla krk.** 28/12-1886[#2] med styrmann **Karl Andreas Andersen.** Han var fødd på **Øykastet** under **Bjørntomten** i **Eidanger**18/3-, dpt **Eidanger krk.** 9/7-1854[#50] og konfirmert 10/10-1869[#26]. Foreldra hans var husmannsparet **Anders Olsen** og **Karen Pedersdtr.**

Anton Henrik ^E fann seg kjerringemne frå «*Værket*» (**Ulefoss** jarnverk). Jenta heitte **Thora Karoline Thorsdtr** og var dotter til **Thor Pedersen** og **Karoline Fredriksdtr** (**Wærket**). Ho var fødd 15/12-1867 og døypt i **Holla krk.** 1/1-1868[#1], konfirmert 1/10-1882[#46]. Ho gifta seg med **Anton Henrik** ^E 11/3-1892[#7], han var då skriven «*Sagarbeider*».

Paret vert foreldre til tre born: **Olga Marie** ^{E1} f 7/4-, dpt 19/6-1892[#34], **konf Kongsberg** 22/4-1906[#17]. **Magda** ^{E2} f **Tufte** 12/7-, dpt **Holla** 17/11-1895[#49], **konf** 3/10-1909[#26]. Ho har ved **konf. bustad Tronerud** i **Svene.** **Hans** ^{E3} f **Ødegaarden** 5/9-, dpt **Holla krk.** 7/11-1897[#39], **konf Kongsberg krk.** 4/5-1913[#84].

Anton Henrik ^E døydde i **Ødegaarden** 5/9-1899[#21], dødsårsak: **nervefeber.** Han vart gravlagd ved **Holla krk.** 12/9 s.å. - Familien var ved **FT1900** registrert busett i **Ødegaarden** under gnr 26/1 i **Holla herad.**


ToraThorsdtr vart som enkje gift med **Martin Eriksen Langeid.** **FT1910** syner at dei bur i **Skolegaden 418** på **Kongsberg.**

Olga Marie ^{E1} ugift, **bustad Kongsberg** reiser 13/4-1909 via **Gøteborg** til **Boston.** Ugift syerske, **bustad Kongsberg,** **Magda** ^{E2} **Tufte** reiser frå **Kristiania** med «*Bergensfjord*» - reisemålet er **Boston.**

Då avsluttar vi stubben med eit bilete frå **Kongsberg** – teke 12. august 2013



Aust Agder fylke (Nedenes amt)



FT1865	FT1875	FT1885	FT1900	FT1910	Giftarmål	Døde
7	3	5	10	12	7	8

Personar frå Valdres funne i Aust-Agder

Diakonissa frå Vølbu

Ved [FT1910](#) finn vi på plassen Strømmen under [Bjørnes](#) gnr 61/19 i [Angelstad](#) krins, [Holt herad](#), Aust-Agder: **Guri Jørstad**, ugift sykepleierske, f Østre Slidre. Her er elles ei enkje, [Anne Olsdtr](#) f 1834 i Holt samt familien Halvor Eriksen/Maren Olsdtr med fire born.

For meg ser det ut til at **Guri Jørstad** er pleiar for [Anne Olsdtr](#). [Anne](#) var enkje etter «*Talmand ved skilling af tømmer*», [Ole Halvorsen](#). [FT1900](#) syner ekteparet saman med dottera [Maren](#) busette på Bjørnæs. [Anne Olsdtr](#) var f Valeeie 3/1, dpt Holt krk. [26/1-1834](#)[#6], konf Holt [15/4-1849](#)[#24]. Ho vart gift med [Ole Halvorsen](#) [29/4-1864](#)[#11]. Sonen [Halvor](#) vart f 9/12-1865, dpt [1/1-1866](#)[#1]. Dei budde ved [FT1865](#) i [Sundsvalen](#) lno 955 i Holt.

Vi går attende til **Guri Olsdtr** (Jørstad). Ho var fødd 27/8-,dpt i Volbu krk [22/10-1865](#)[#57], konf Ø Slidre [23/5-1880](#)[#29]. Foreldra var [Ola Olson](#) og [Marit Nilsdtr](#). [FT1865](#) syner familien busett i «*Brotten eller Haugen*» lno 287c,288c i «*Volbo Fast Skoledistrikt*», Østre Slidre. I [FT1875](#) vart bustad skrive *Haugene Vestre* lno 287a. Ho har flytta ut før [FT1891](#). Sjå «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» [bd B, s 92](#).

[FT1900](#) syner at **Guri** då var sjukepleierske og budde i [Pilestrædet 32](#) i Kristiania kjøpstad. På denne adressa finn ein i 2017 «*Fakultet for helsefag*». Hjø [HBR](#) finn vi frå «*Registrerte døde i Aftenposten*»: **Guri Jørstad**, [diakonisse](#), dødsannonse i «*Morgenutg. 11/1-1955*». Hjø DISgravminner vert ho registrert død 7/1-1955, gravlagd på Nordre gravlund, Oslo 14/1 s.å.

Sjå også historiesida til [Lovisenberg.no](#), artikkel i «[store medisinske leksikon](#)» og «[150 år](#)».

Jernbanearbeidar ved [Barbu](#)

Det er. april månad 1907 og staden er [Barbu kyrkje](#) ved Arendal. Paret vi skal ta nærare for oss i denne stubben gifta seg [17/4-1907](#)[#8] . Dei vart innskrivne som **Hans Kristiansen**, *jernbanearbeider*, fødd *Søndre Aurdal* 1880 og *sypige Anna Teresie Eriksen*, f Varmekroken 1873. Skav tru om **Hans** var med på bygginga av «[Arendalsbanen](#)» ?

Anna Teresie var fødd i *Varmekrogen* 18/4-, dpt [Tromøy krk. 26/6-1873](#)[#36], ho vart konfirmert i Barbu krk. [2/10-1887](#)[#97]. Foreldra hennar var *Sømand* [Erik Reinert Petersen](#) og [Teresia Salvesen](#).

Hans var f 30/1, dpt i [Bruflat krk. 14/3-1880](#)[#10], konf Nes prgj. Hedemark [20/2-1898](#)[#31]. Han var son til *omstreifer* [Kristian Hansen Jevleie fra Land](#) og [Inger Knutsdtr](#) f ikr.1850 på Bruflateige. Dei hadde gifta seg i Bruflat krk. [11/9-1878](#)[#25]. Brudgommen hadde synt fram attest frå [Alsing](#) - datert 20/4-1867(*om konfirmasjon*) og frå [Hald](#) - dat. 5/6-1875 om *Ledighed til Ægteskab*. [FT1900](#) syner at **Hans**, foreldra, to brør og to systre då budde på Mostuen(fattigstue). Hans var då skriven «*Vedhugger*».

Anna Teresie og **Hans** fekk dottera **Elna Ingrida** f *Str.heinasset?* 16/10-, dpt Barbu krk. [26/12-1907](#)[#58].Ho budde ved [FT1910](#) i [Strømsbu](#) kreds 33 i Arendal kjøpstad og var skriven *pleiebarn, understøttelse, fattig*.



Valdres slektshistorielag hadde tur til Ringsaker/Nes sumaren 2014 – Her er vi på «[Toftes Gave](#)» på Helgøys. [Digitalarkivet](#) har meir leksikale data om «[forbetringsanstalten](#)» samt digitaliserte elevprotokollar. [Døme: S. 8](#)

Skreddaren frå Landmarksbraaten



‘Skræddermester, gift, **Knud Eriksen**’ fødd i Valdres i 1830, bustad ‘Gj. Minde’, [døyr 5. november 1922](#)^[#2] i Barbu ved Arendal. Ministerialboka for Barbu fortel at han var fødd i 1850 og for dødsårsak er ‘Alderdomsvaghed’ skrive. Lækjar har vore tilkalla og Skifteretten er underretta. Gravferda er 11. november og jordfesting er notert same dag.

Knud var, etter det Ministerialboka for Aurdal sokn fortel, fødd 20. september 1850 i ‘**Landmarksbraaten**’. Han vart [døypt i Aurdal kyrkje 13. oktober](#) ^[#38]. Alle faddrane kjem frå Sørskogen krins. – Foreldra til Knut er *Erik Knutson* frå Tetebrøta og *Kari Gudbrandsdotter* frå sørre Landmark. Erik Knutson fekk [skjøte på ‘Braatene’ gn. 104/1](#) frå Ola Tørisson for 200 [spesidalar](#) 31. mai 1850, tinglyst 8. september s.å. - Veslebror til Knut Erikson, Gulbrand Erikson tek over eiegen og får [skjøte av far sin 23. juli 1881](#).

Knut vert [konfirmert i Aurdal kyrkje 2. juli 1865](#)^[#5]. Han er ved [folketeljinga 1865](#) nemnd som skredder, så han starta tidleg ...

Ved [teljinga i 1875](#) er **Knud** å finne ‘ved Chausseen Kvartal 88’ i Gjøvik, Vardal prgj. Han er då Skræddersvend og ‘tjener hos Nielsen’. Samstundes er han [registrert hjå foreldra i Nord-Aurdal](#), då som ‘tilreisende søn, skræddermester’, Han var truleg heime på juleferie.

[I 1879 har Knut meldt innflytta til Arendal](#)^[#1], men det er notert at han kom til Arendal 16. mai 1876. Neste person ^[#2] på innflyttarlista er **Nicoline Christine Jacobsdotter** frå Lyngdal. Ho var komen til Arendal i 1873. Årsak til vitjinga hjå presten og innførsla av innflyttingsmeldingane ligg nok i ein merknad hjå båe. **Knud** er «ubunden av Ægteskabsløfte» og **Nicoline** er «legig til Ægteskab».

[31. januar 1879](#) ^[#4] vert **Nicoline** og **Knud** ektefolk. No er Knut nemnd skreddermester.

Nicoline Christine vart fødd 25. november 1853 på [garden Saudland](#) i [Austad sokn](#) i Lyngdal prosti. Ho vart [døypt andredag jul s.å.](#)^[#29] i [Austad kyrkje](#). Foreldra hennar er *Jakob Tobias Terkelsen* og *Aaseline Christiansdtr.* **Nicoline** vart [konfirmert 18. oktober 1868](#)^[#13].

Borna deira er, så langt eg har funne, **A) Jacob Evinus** f 17/10-1879, [døypt i Arendal kyrkje 26/12 s.å.](#)^[#18] (*konfirmasjon ikkje funne*) – **B) Einar** f 8/9-1882, [dpt 8/10 s.å.](#)^[#48] [konfirmert 25 april 1897](#)^[#16] i Arendal og **C) Aagoth Caspara** f 9/10-1884, dpt 26/12-1884^[#16] i [Arendal kyrkje](#) og [konfirmert 9. april 1899](#) i Arendal. ^[#17] .Alle tre er fødde i Arendal, så fortel kyrkjebøkene i alle fall ...

Nicoline [døyr 30. juli 1898](#)^[#9], og **Knud Eriksen** vert enkjemann. Ved [teljinga i 1900](#) er han og dottera **Aagot** registrert i Østre Gade 174c i Arendal. Sonen **Jakob** finn vi i [Nordal Bruns Gade 15b i Kristiania](#). Han er då «*Handelsbetjent h. Brødrene Hansen*».

Knud Eriksen gifter seg for andre gong den [7. september 1903](#)^[#4]. Brura er **Kristine Marie Olsen**. Ho er fødd på [Jorundstad i Holt](#) 22. juli 1856 og [døypt 7. desember s.å.](#)^[#76] i Holt (no i Arendal kommune). Her vart ho òg [konfirmert 15. oktober 1871](#)^[#80]. Foreldra hennar er «*styrmand Ole Andersen og hustru Anne Pedersdatter*». Ektefolka og dotter frå fyrste ekteskap, Ågot, er ved [teljinga 1910 å finne i ‘Strømsbu Kreds 278’](#) i Arendal.

Når far går føre, kjem borna etter ... - Kyrkjeboka for Tromøy fortel at sonen **Einar Eriksen** [gifter seg 14. juni 1907](#)^[#0] med **Anne Thomine Andersen**. Ho var fødd 25. januar – og [Tromøy kyrkje](#) var staden for dåp [8. april 1883](#)^[#10]. Foreldra var fisker *Gunnerius Andersen* og *Anne Christine Sørensen*.

Merknaden i Tromøy kyrkjebok fortel at **Einar** og **Anne Thomine** vart «*Viede af res.kap. Rognaas i Kristiansand S.*» Paret er ikkje innført i kyrkjeboka i Kristiansand. - Ved dette høvet var det to søner av Nord-Aurdøler som møttest. Far til [presten Johannes Rognaas](#) var frå Ulnes sokn. [Familien vert omtala](#) i avsnittet om Østfold. - Teljinga i 1910 syner at ekteparet bur i Strømsbu krins i Arendal. Dei har då sonen Karl Nikolay. [DIS Gravminner](#) har registrert **Anne Tomine Eriksen** f Andersen død 16. februar 1968 og gravlagd ved [Færvik kyrkje](#) på Tromøy i Arendal kommune^[ID= 3323932].

Aagot Kaspara er endå lengre unna heimstaden enn storebroren då ho gifter seg, i kyrkjeboka for Arendal er det notert at ho og ‘skibsfører’ **Ludvig Jensenius Andersen** er «ubeslæktede» og «viet i Antwerpen». Det er ikkje notert dato, men det er [lyst til ekteskap i Arendal 15. mars 1914](#)^[#0]. **Ludvig Jensenius** kom til verda 13. desember 1884 og vart [døypt i Arendal 10. januar 1885](#)^[#3]. Han er son til

skipsfører *Birger Samuel Andersen* og kona *Ellen Kristine f. Gundersen*. **Ludvig** finn vi i folketeljningane for Arendal, både i [1885](#) og [1900](#).

Ekteskapet varer ikkje lenge. [Spanskesjuka](#) råkar ektemannen, som dør 27. oktober 1918 på Næset i Arendal. *Skibskaptein Ludvig Jensenius Andersen* vert gravlagd [31. oktober 1918](#)^[#22]. Han hadde sikkert gleda seg til å bli far, men barnet kjem til verda vel ein måned etter gravferda til faren. Den vesle guten, som [2. februar 1919](#)^[#2] får døypenamnet til faren, **Ludvig Jensenius**, var fødd 4. desember 1918.

Kyrkjeboka for [Barbu](#) fortel at «*Skræddermester, g(ift) Knud Eriksen*», f 1850 i Valdres, bopæl Gj.Minde, dør av «*Alderdomsvaghed*» 5. januar 1922. Han vert gravlagt og jordfesta ved [Barbu kyrkje 11. januar same år](#)^[# 2]. Han var sikkert blant dei mange som fekk opleva 'revoulusjonen' med overgang frå [nål og tråd](#) til [symaskin](#). Dersom han hadde kome til Valdres i dei siste leveåra sine, hadde han nok lagt merke til at [Valdresbanen](#) gjekk tvers gjennom garden han var fødd på.

Skreddaryrket kjenner vi også frå eventyrverda, det var fleire av *dei* som sydde [nye klede til keisaren](#). Far til Aladdin, han som fann «den vedunderlege lampa», var skreddar.

«Vegen frå brukarar til forbrukarar fjernar tradisjonelle yrke, men skaper også nye. *Skomakarar og skreddarar finst ikkje att i Noreg*. Derimot har vi fått kjøpesentra, renovasjon, bruktbuikkar, resirkulering, attvinning og sortering.» - [Lekkje \(side 2\)](#) «Skobesparels»

Det kan vera litt interessant å sjå på kor mange Valdrisar som hadde skreddar som yrkesnemning i folketeljningane.



Illustrasjon -

Skreddarar frå Valdres ved FT 1900		Skreddarar frå Valdres ved FT 1865	
Område	Kor mange	Område	Kor mange
Moss	1	Moss	1
Kristiania	9	Kristiania	8
Hamar	3	Ringsaker	1
Elverum	2	Fåberg	1
Vardal med Gjøvik	10	Vestre Toten	1
Biri	1	Land	1
Vestre Toten	3	Arendal	1
Søndre Land	1	Hafslo	1
Nordre Land	1		
Vågå	1		
Drammen	5		
Hole	1		
Ådal	3		
Nes i Hallingdal	2		
Hemsedal	2		
Arendal	1		
Eidfjord	1		

I 1865 er 16 personar registrert som skreddarar utanfor Valdres. Av desse er 3 kvinner.
I 1900 er det 5 kvinner av totalt 47 registrerte.

I Valdres er 124 personar registrert med skreddar-yrke i 1900. Skreddargjeringa er for dei fleste av desse ei attåttnæring,
I 1865 er talet på skreddarregistrerte 109.

NB: skreddaren i Arendal 1865 er *Ivar Olsen Fossum*.
I 1900 er skreddaren *Knut Eriksen*.

Det var ein gong ein skreddarsvein
med hanskar og flossehett,
som gjekk til ei jomfru på hanebein
kvar evige laurdagsnatt.

Om dagen sat han med saks og nål
og bia på neste helg
til dess han vart grann som eit alnemål
og skrinn som ein gamal belg

Og når han omsider til laurdags vann,
då stod han i all sin stas,
og kasta med småstein så sveiten rann,
på jenta sitt kammersglas

Men skreddaren, stakkar, vart slegen ut,
og jaga på dør som ein hund,
og det av ein diger skomakargut,
på atten bismarpund.

Og det var den vesle skreddarsvein,
han visste seg inga råd,
han hengde seg på ei bjørkegrein,
i trilagd snelletråd.

Jakob Sande

Nok ein skreddarmeister frå Valdres

Denne gongen ein kar frå Slidre – med bustad i Arendal kjøpstad

På [Tyholmen](#) i Arendal finn vi ved [FT1865](#) *Husfader og Skræddermester Iver Olsen Fossum f Walders 1817*. Ministerialbok A6 for Arendal syner at han gifta seg i [Trefoldighet krk.](#) i Arendal [5/10-1855](#)[#16]. Han var då 39 år gamal, *født paa Fossum i Slidre*. Brura var **Birthe Cathrine Sørensen**, 28 år gamal, fødd i [Barbo](#).

Ivar (Iver) var f på *FossumsEiet (Fosseiseige)* 8/10-, dpt [Røn krk.](#) [20/10-1816](#)[#38] og konfirmert av [spr. Christie](#) i Røn krk. [7/8-1831](#)[#10]. Foreldra hans var [Ola Ivarson](#) og [Gjartrud Bøyesdtr.](#) Førenamnet **Bøye** er namnt i ein «[namnestubb](#)». Mykje talar for at **Gjartrud** var dotter til [Bøye Trondson Kattevel](#) og [Anne Andrisdtr.](#) døypt i Vang [6/7-1788](#)[Vside,4.nedanfrå], konfirmert [6.søndag efter Paaske 1802](#) (20/5) i [Øye krk.](#) Eg vel vidare å tru at **Ola Ivarson** var son til [Ivar Olson Tølstad](#) og [Dorte Knutsdtr Berge](#), fødd på [Tølstad](#) under Slidre prestegard, dpt i Slidredomen [5/4-1787](#)[Hside, nedst], konfirmert av spr. [Feldtmann](#) i Rogne krk. [30/6-1805](#)[Vside,#6].

Birthe Cathrine (skrive Carine ved dåp) var fødd i Barbu ved Arendal ([sjå soknehistorikk](#)) 20/9-, dpt i [Tromøy krk.](#) [8/10-1827](#)[#83], konfirmert Tromøy [9/10-1842](#)[#16]. Foreldra hennar var [Kiddel \(Kjetil\) Sørensen](#) og [Elen Marie Gundersdtr.](#)

Birthe Cathrine og **Iver** vart foreldre til **Gunhild Erika** [A](#) f 5/8-, dpt Arendal [26/10-1856](#)[#45], død av [skarlagensfeber](#) [6/4-1858](#)[#12], gravl Arendal 13/4 s.å. Tre år etter, 11/6-1859 kjem ei ny dotter til verda. Ho får [25/7-1859](#)[#30] namnet til den døde systera, **Gunhild Erika** [B](#). Yngste barnet vart fødd 24/9-1860, dpt **Hjertha(Gerta) Elise** [C](#) i Arendal [6/1-1861](#)[#1].

Familien lyt ha kryssa fylkesgrensa og flytta til [Kragero](#) før 1873. *Skreddermester Iver Olsen Fossum* døydde i Kragero [24/4-1873](#)[#31], gravl 1/5 s.å. - **Gunhild Erika** [B](#) vart konfirmert i Kragero prgj. [12/4-1874](#)[#14] og **Gjerta Elise** [C](#) sto til konfirmasjon [4/4-1875](#)[#22]. - **Birthe Cathrine** og døtrene vart ved [FT1875](#) registrerte i Hovedbyen, gaard nr. 196 i Kragero. **Birthe Cathrine**(Berthe Kathrine) vart då skriven *Ølhandlerske og Spiseværtinde*.



frå Kragero - Foto: OHF - 4. juni 2004

Eit [innlegg på Norway List \(RootsWeb\)](#) vart til god hjelp i å finne meir om døtrene til **Ivar Fossum**. **Gjerta Elise** [C](#) gifta seg i Kragero [30/7-1878](#)[#15] med styrmann **Andreas Andersen** f 22/7-, dpt [Kristiansand](#) krk. [19/9-1856](#)[#127/227], konfirmert Kristiansand [31/7-1870](#)[#10]. Han var son til *styrmand Anders Andersen* og *Birthe Andrea Andersen*. Ved [FT1865](#) budde han saman med mor si og broren Martin i *V. 7te Qvartal* gaard nr 473 i *Christiansand kjøpstad*.

Gunhild Erika [B](#) finn vi ved «[Byteljinga](#)»1885 busett i [Rostedsgade](#) 9, Trefoldighet krets i Kristiania. Ho var då gift med *Postexpeditør Ludvig Herman Eriksen* fødd i [Fredrikshald](#)(Halden) 19/1-, dpt Halden prgj. [4/3-1859](#)[#23]. Foreldra var skibstømmermand [Johan Erik Larsen](#) og [Maren Hansen](#). [FT1865](#) syner at familien budde i Seubankgaden 855i Fredrikshald kjøpstad.

[FT1891](#) plasserer familien på Vegaasen gnr 194/15 på [Hauketo](#) (krins 8), [Husliste#36](#), Personsedlar: *postexpeditør Ludvig Herman Erichsen* og (Gunhild)[Erikka Erichsen](#). Dei har vorte foreldre

til: [Gudrun Erichsen](#) ^{B1} f Kristiania 1887, [Erling Olaf Sørli Erichsen](#) ^{B2} f Kristiania 1888 og [Bjarne Erichsen](#) ^{B3} f Aker august 1889

Eg har funne at [Bjarne Eriksen](#) ^{B3} var f 22/8-1889 på [Ljan](#), dpt [Østre Aker 26/10-1890](#) [#95]. Faren vart skriven Erichsen då tvillingane [Arne](#) ^{B5} og [Erik](#) ^{B6}, som vart fødde i [Vibesgate 10](#) 4/4-1896, vart døypte i Uranienborg krk. [25/5-1896](#) [#72og73].

Ved [FT1900](#) budde familien i Oskarsborg gnr. 41/2&3 i [Ankenes herad](#), Ofoten, [Erling Olaf Sørli](#) ^{B2} vart konfirmert i [Ankenes krk. 2/8-1903](#) [#3]. Rett framfor i konfirmasjonslista finn vi [Aksel Julius Revold](#). [Bjarne](#) ^{B3} vart konfirmert i Ankenes [31/7-1904](#) [#36].

Nettsida til DigitaltMuseum har ein artikkel om [poståpneriet Viktoriahavn](#) (Dampskipsanløpet) i Ofoten. Her vert det fortalt at [Ludvig Herman Erichsen](#) var tilsett som feltpostmester frå 1/9-1900 – og at neste postekspeditør kjem 1/12-1905.

Utdrag folketeljinga 1910 – frå Digitalarkivet

Ludv. H. Erichsen	1859	Frhald Sm	hf	g	Postmester
Erika Erichsen	1859	Arendal Ned	hm	g	Husmoder
Gudrun Erichsen	1887	Kristiania	d	ug	Barn
Erling Erichsen	1888	Kristiania	s	ug	Barn
Bjarne Erichsen	1889	Kristiania	s	ug	Barn
Rolf Erichsen	1892	Ø. Aker Ak	s	ug	Barn
Arne Erichsen	1896	Kristiania	s Tvillinger	ug	Barn
Erik Erichsen	1896	Kristiania	s Tvillinger	ug	Barn

Postmester er yrkesnemninga [Ludvig Eriksen](#) har ved [FT1910](#). No har han og familien hans flytta til Trondheim, der bustaden er skriven «Rud»Lilleby. Tvillingane [Arne](#) ^{B5} og [Erik \(Ludvig\)](#) ^{B6} vart konfirmerte i [Lademoen krk.](#) i Trondheim [1/10-1911](#) [#23&24].

[Erling Olaf Sørli Erichsen](#) ^{B2} vart registrert med bustadadresse Strinda då han [4/11-1907](#) reiste frå Trondheim via Kristiania med reisemål Minneapolis. I emigrantlista hjå DA finn eg også [Erik Ludvig Eriks.](#) med bustad U.S.A. utreist frå Trondheim [2/12-1918](#) med New York som reisemål.

Hjå DISgravminner finn vi at [Gunhild Erika Erichsen](#) (f. *Fossum*) døydde [19/6-1938](#), gravl 25/6 s.å. [Ludvig Hermann Erichsen](#) døydde [14/2-1944](#), gravl 24/5 s.å. – [Gudrun Erichsen](#) ^{B1} vart gravlagd [29/7-1971](#), [Rolf Erichsen](#) f 5/11-1892, død 1975, gravl. [19/9-1975](#), [Gudny Erichsen](#) f 4/7-1903 (kona til Rolf, skulle ein tru) f [4/7-1903](#), død 1976, gravl [20/5-1976](#). Alle desse kviler på [Tilfredshet kirkegård](#) i Trondheim.

Det er gjerne [Bjarne Erichsen](#) ^{B3} vi finn ved [Census1930](#) busett i Miami, Dade, Florida. Han var då gift med [Martha](#). - FamilySearch har registrert «[Draft Registration Card](#)» [1917-1918](#) for [Erling Olaf Searlee Erickson](#) f 1/10-1888 i Christiania. Same kjelde har ein [Arne Erichsen](#) frå Strinda som er komen som [passasjerfrå Bergen til New York 2/5-1921](#). Det er vel han vi finn i Census1930 med adresse Yonkers, Westchester, New York. Han var då gift med [Valborg](#) f ikr.1890 og dei hadde sonen [Bjarne](#) f ikr 1920 i Noreg. Attåt desse var svigerinna [Margit Sand](#) f. ikr 1906 med i teljingslista.

[Erik L Eriksen](#) var 44 år gamal i 1940. Han vart registrert i [US Census 1940](#) busett i Tract 410, [Glendale Twp.](#), Los Angeles, CA. Han var då gift med [Florence](#) f ikr. 1895 i Michigan og dei hadde borna [Robert E](#) og [Jo Ann](#), baa fødde ikr 1937.

Frå Aurdal til Kristiania – men endar i [Froland](#) Veg- og steinarbeidar – fann kjærleiken på sine eldre dagar.

Ved [folketeljinga 1900](#) finn vi eit ektepar registrert buande på [Fergestad gnr. 11/6 i Froland](#). Dette er **Torborg Olsdtr** [#004] f 1850 i *Eyje Ned* (Nedenes/Aust-Agder) og **Andreas Tostensen** [#005] f 1843 i N. Aurdal Krs (Kristians Amt). Dei har fått skrive yrkestitlar «*Stenarbeidar*» og «*Sten-arbeiderkone*». [Ti år seinare](#) er paret nemnde på plassen Vasenden under gnr 20/1 i Froland. No er Andreas «*Veiarbeidar og Stenpukker*» medak Torborg tek seg av «*Husstel*». **Andreas** er òg nemnd i [teljinga på Lauvrak i Froland](#), her som *mt* (midlertidig busett) dagarbeidar/grubearbeidar.


Då 1910 teljinga har ned fulle fødselsdata (i dei fleste tilfelle korrekte) får vi her vita at **Andreas** var fødd 21. april 1844. Dette tek oss til kyrkjebøkene for Nord-Aurdal som syner at ein Andreas med denne fødselsdatoen vart [døpt i Aurdal kyrkje 26. mai 1844](#) [# 22]. Guten var fødd i Nørre Lin i [Liabygden](#) og foreldra var gardfolka *Tosten Svendsen* og *Berit Andreasdtr*. **Andreas** vart [konfirmert i Aurdal kyrkje 26. juni 1859](#) [# 1]. [Teljinga i 1865](#) fortel at **Andreas** bur saman med foreldre og sysken som forpaktarar i Skaveldo (gnr. 86 i Nord-Aurdal).

Kyrkjeboka for Nord-Aurdal fortel at «*ungk. Andreas Tostensen Lien*» får [utflyttingsattest frå Nord-Aurdal i Mai 1886](#) [# 228]. I rubrikken «*Til hvilket sted*» er det skrive «Christiania». Mellom 1866 og 1900 har eg enno ikkje greidd å fange opp opplysningar om Andreas.

Torborg, eller **Torbjør** som namnet vart skrive i kyrkjeboka, var fødd 10. juni 1847 på Stigmoen i Bygland i Setesdal. Ho vart døpt i [Bygland kyrkje 17. juni s.å.](#) [# 46] og [konfirmert same stad 18. mai 1862](#) [# 48]. Foreldre er husmann *Ole Tellefsen* og *Anne Halvorsdtr*. Når teljarane registrerer Bygland i 1865, finn dei **Torbjør** som [tenestjente på garden Lande](#), lno. 159 i Bygland.

I 1899 syner Ministerialboka for Froland ei [innflyttingsmelding](#) [# 1] for «Tjenestepige **Torborg Olsdtr Stigmoen**». Ho er komen frå Bygland til Ovelandsdalen i Froland. Det ser ut som ho kom til Froland i 1880, og at utflyttingsattesta frå Bygland er datert 16. mai 1886. Etter å ha saumfare kyrkjebøkene for Froland har eg hittil ikkje funne noko giftarmål mellom Torbjør og Andreas

Andreas Torstensen døyr på «Gamlehjem» i Froland 22. oktober 1928. Han vert [gravlagd og jordfesta 27. oktober s.å.](#) [# 14]. Det er notert at han er «*fattigunderstøttet, gift*» og dødsårsak er oppgjeve som «*alderdom*». **Torbjør** finn eg ikkje notert død, men sidan kyrkjeboka er stengt for innsyn etter 1933, har vel ho òg nådd ein høg alder.



Ferjestad og Vassenden i Froland



Stigemo i Bygland

Vassenden høyrer til [Froland Verk](#). Eigedommen er på oppgåva frå «*Skog og landskap*» godt og vel 14 000 dekar. Kartet syner òg mange gruver i området.

Det er truleg ar Anders Torsteinson hadde [Froland verk](#) som arbeidsgjevar



Musketér i Horten og rørlegger i Arendal

[Karljohansværn](#) i Horten var [orlogsstasjon frå 1818](#). Ved folketeljinga i 1865 er staden nemnd som Garnison. Det er i «[Casernen](#)» rekna opp ein «Løitnant», ein «Sergeant», 3 «Corporalar», 2 «Tambourar», 98 «Musketearar» samt ein «Spiismester» og ei «Tjenestepiige».

Ein av musketerane er [Trond Trondsen, 28 år, ugift og fødd i «Ourdal»](#). Han har fylgje med to andre Valdrisar, *Nils Syverson* og *Gulbrand Gulbrandson*. Elles er det 20 andre frå Oppland, 13 frå Hedmark, 28 frå Akershus, 2 frå Kristiania, 8 frå Østfold, 5 frå Vestfold, 10 frå Buskerud, 3 frå Hordaland, to frå Telemark, to frå Trøndelag samt ein frå Møre og Romsdal og ein frå Sogn og Fjordane. Bilete av kasernebyggnad [kan du finne her](#).

Trond var fødd 22. oktober 1838 på «*Sundem*»(Syndei) i Nord-Aurdal. Han vart, saman med tvillingsystera Christina, [døpt 11. november s.å.\[# 82\]](#) i Nord-Aurdal prgj. Det er ikkje notert kva kyrkje dåpen var i, men alle borna som vart døypte denne dagen høyrer til i Ulnes sokn. Foreldra er husmann *Thron Throns* og kona *Øyen Olsd.* –

Trond har 3 sysken, tvillingsystera [Kristina\[# 68\]](#) og veslebrørne [Kristian\[# 45\]](#) (f 13/4-1841) og [Ola \[# 158\]](#) (16/1-1844). Mor deira, *Øyan Olsdtr* [døyr 11. april 1851\[# 3\]](#), medan far deira, *Trond Trondson*, [døyr vesle julaftan 1853\[# 1\]](#). Borna er såleis foreldrelause innan dei eldste vert konfirmert. Kvar denne syslenflokken vart av etter at foreldra døydde, veit eg enno ikkje, men dei er i alle fall ikkje konfirmerte i Ulnes eller andre kyrkjer i Nord-Aurdal. På hi sida av livsvegen kan seiast at dei tre syskena til Trond, dei er alle gravlagde i Kristiania.

Johanne Jonassen kom til verda 11. august 1839 på plassen *Tubberud under* [Gaustad i Vestre Aker](#). Ho vart døpt i Vestre Aker kyrkje [22. desember s.å.\[# 359\]](#). Til [konfirmasjon sto ho i Vestre Aker kyrkje 24. april 1854 \[# 34\]](#). Då vart fødestaden skrive ‘*Sognseiet*’. Ho er dotter til husmann *Jonas Anderson* og *Berte Jørgensdtr.*

[2. juledag 1867\[# 124\]](#) gifter ‘*Pige*’ **Johanne Jonassen** seg med ‘*Ungk. Brandkonstabel*’ **Trond Trondsen Sundem**. Forlovarane er *Jæger* Anders Olsen og *Jæger* Johan Johannesen. Giftarmålet er i [Trefoldighetskyrkja](#) i Kristiania.

Teljaren som kjem på døra hjå ektefolka kring nyår 1875 talar korkje valdresmål eller ‘bymål’. Mest truleg har vedkomande ‘[blaude konsonantar](#)’ og har erstatta p, t og k –lydane med b, d og g. På dette tidspunktet er **Johanne** og **Trond** å finne på ‘[den bløde kyststriben](#)’, nærare bestemt i [Grændsen 160a i Arendal\[#026&027\]](#). Eg finn dei ikkje nemnde i ‘innflyttarlistene’ i Arendal i åra 1868-1876. Ved teljinga er Trond nemnd ‘[Rørlægger](#)’. Ti år seinare bur ekteparet i [Guseklev 137a i Arendal\[#010&011\]](#). No er yrkestittelen til Trond ‘*Rørlægger Svend*’.

‘Gift rørlægger **Thron Thronsen** f1838 i Valdres’ [døyr 12. mai 1886 i Arendal \[# 15\]](#). Gravferd og jordfesting er 5 dagar etter, på ‘nasjonaldagen’, 17. mai.

Johanne har nok gifta seg opp att, ved teljinga 1900 bur ho i Nordbygaden 42 i Kristiania. Den nye ektemannen er møbelsnikkar (hos mester), *Hans Andersen*, f 1842 på ‘Hedemarkken’. Ti år seinare er dei registrert i Nordbygate 25. Her syner teljinga ‘rett’ fødselsdato for Johanne, og det kjem fram at Hans er fødd i 4/12-1842 i Vang prgj. i Hedmark. – Det er truleg karen vi finn [nedst på kyrkjebok-bladet](#), døpt 1. januar 1843.



Musketér



Rørleggjar

Gardjenta på Lo som vart ‘fru overrettsakfører’ i Grimstad og brørne frå Vågå som klatra inn i borgarskapet i Sørlandsbyen



13. juni 1842 får **Barbro Andersdtr skifteheimel på garden Lo**, gnr 77/1 i Nord-Aurdal. Verdi 1 600 spd. Ho kom til verda 4. januar 1829 på Lo. Ho vart døpt 15. mars s.å.[# 23] i Svenes kyrkje, og konfirmert same stad 14. juli 1844[# 1]. Barbro var einbend. Foreldra var Anders Erikson (dpt i Ulnes 24/1-1796[H. side, 4.nedanfrå] og døydd 14. desember 1930[# 12]), gift 3. juni 1827[# 6] med Randi Toresdtr (dpt i Ulnes 19. oktober 1806[V. side, øvst], døydd 12. juni 1847[# 13]).



Utsyn over gardstunet på Lo mot Fødnes – september 2012

Lo hadde ved overgang til «den nye matrikkelen» i 1838 ei skyld på 3 skylddalar, 4 ort og 3 skilling – det var såleis ein verdfull eigedom Barbro var eigar av. Ho laut nok vera det ein nemner som «eit godt gifte». Ein som sikkert hadde auga for dette var lensmann Ole Klevenberg. Han var i siste del av 1840 åra - og fyrst på 1850 talet involvert i mange eigedomshandlar i området. 10. september 1846 kjøper han Lund matr.no.93 i Aurdal av Iver Berntsen for 2 200 spd.

Lund (g. nr. 96, b. nr. 1i), sorenskrivergård for **Valdres** (siden 190g). Hovedbygningen er et to-etasjes laftet tømmerhus med stående panel og skifertekket tak med awalmede gåvlspisser; inneholder i r. etasje: gang, 6 værelser, kjøkken og spiskammer, i 2. etasje:gang, 7 værelser og et rulleværelse; på gårdssiden foran kjøkkeninngangen et nyere bislag med bitrapp op til overetasjen og foran hovedinngangsdøren en nyere stolpeveranda; huset er bygget i slutningen av 1840-årene av lensmann **Klevenberg** som 10. sept. 1846 fikk skjøte på eiendommen som ved skjøte av 9. juni 1859 tilhjemledes Oplysningsvesenets fond, hvorefter gården benyttedes som fagedgård. Drengestuebygningen er et to-etasjes laftet tømmerhus med stående panel og åpen to-etasjes svalgang på den ene langfasaden. Uthusbygningen er en vinkelbygning av laftet tømmer med skifertekket tak. De øvrige hus på gården er av nyere dato.



30. januar 1849[# 1] turar **Barbro** og «lensm.Exam.juris Ole Klevenberge» bryllaup. No tek **Barbro** steget frå bonde- og inn i embedsstanden. Forlovarar er distriktslækjar og prokurator. Ved barnedåpane i åra som kjem framover, er også faddrane embedsmannsfolk. – **Ole Klevenberg** vart døpt i Vågå prgj. 15. desember 1811 [H side, 2. nedanfrå] . Faren er skriven *Johan Søndre KlevensEje*.

Barbro og **Ole** får tre døtre i Aurdal prestegjeld: **Catharina Marie** f 30/10-1849, dpt Svenes krk. 17/6-1850[# 16], **Anne Othillia** f 13/5-, dpt Svenes krk. 8/7-1851 [# 20] og **Daarthea Maria** f 10/3-, dpt i Aurdal kyrkje 27/5-1853[# 22] .

Lensmann **Klevenberg** gjev 2. november 1853 skjøte på matr.no. 74, lbno. 218a Lo til *Ola Olson Skrautvål*. Oppgjeven salssumm er 2 000 spd. 20. april 1859 skjøter han Lund til Oplysningsvæsenets fond. Oppgjeven salssum er 3 000 spd.

Vi treffer familien att i ‘*Kirkegaden 23*’ i Grimstad ved folketeljinga 1865. Dottera **Catarine Marie** er no ikkje registrert i familien. Kan ho ha døydd innan dei kom til Grimstad? - Det er fleire av syskenflokket frå Kleiven i Vågå som har tilhald i Grimstad. **Johan**, veslebror til *Ole*, er gullsmed og bur i *Løkkestredet 181*. Brorsonen, **Johan Petter** (Andersson), er Conditorbetjent hjå svogeren og bur hjå

farbroren. Bror til *Ole*, **John Klevenberg**, er lensmann i Evje, der adressa hans er det høvande: «Arresthustomten». **John** var også tidlegare innom Valdres. Han var fadder til både **Catarine Marie** og **Daarthea Maria**. Desse to jentene skulle etter alle solemerkje vore konfirmert i Grimstad, men diverre brann Ministerialbøkene for *Fjære* prestegjeld opp [4. oktober 1933](#). Ministerialbøkene for *Grimstad* startar opp fyrst i 1869. (Sjå [soknehistorikk for Fjære og Grimstad](#))

Dramsvigen 173 heiter bustaden der vi finn **Brabro, Ole** og **Anne Otilie** (skrive *Anne Dorthe*) [ved teljinga i 1875](#). Ole er no titulert «**Sagfører**». – *Her må eg ta med saga om sagbrukseigarsonen frå Valdres som ved ei hotellovernatting i hovudstaden skreiv seg inn i gjesteboka med ovennemnde tittel ...*

Daarthea Maria (skreven *Marie Dorothea*) er no busett i [Storgaden 151 i Grimstad](#). Ho [gifta seg 14. oktober 1874](#) [# 14] i Grimstad .med lækjar **Hans Frisak**. Paret vert foreldre til **Sophie Augusta** f 14. september- og døypt i [Grimstad kyrkje 14. oktober 1875](#) [# 43]. Alt 18. mars året etter døyr den vesle jenta. Ho vert [gravlagt 21. mars 1876](#) [# 16] i Grimstad. Jenta var kalla opp att etter farmor si. Foreldra til **Hans Frisak** heitte *Sophie Augusta f. Berentsen* og *Hans Frisak*.

Daarthea Maria og **Hans Frisak** vert vidare foreldre til **Barbra Augusta** f 21. november 1877 , [døypt 17. april 1878](#) [# 19] og **Marie Klevenberg** f 3. februar-, [døypt juni 1879](#) [# 43].

Nr.	Den op- gione fødsels- Datum.	Døds Datum.	Barnets fulde Navn.	Om søgte eller søgte født.	Børnens fulde Navn, borgerlige Stilling og Ejendomsforhold.	Faddernes Navne.
13			Barbra Augusta Klevenberg		Hans Frisak Læge	Sophie Augusta Læge Lena Augusta Læge

Ein må vel kalle denne handskrifta «svært personleg» - ser nesten ut som åttetalet er skrive med nedre lykkje fyrst.

Vel tre veker (28/2) etter at dottera vart fødd døyr **Daarthea Maria** (skreven *Marie Dorothea*). Det er ikkje notert dødsårsak i kyrkjeboka. Ho vert [gravlagt i Grimstad 5. mars 1879](#) [# 9].

Barbra Augusta og **Marie Klevenberg** er registrert ved teljinga for Grimstad kjøpstad i 1885. Dei bur i «[Storgaden 231](#)» saman med faren, **Hans Frisak**, og den andre kona hans, *Inga Berntsdtr. Inga* var f 1. juni 1854 og [dpt i Arendal 9 juli s.å.](#) [# 30]. I [same teljing](#) finn vi besteforeldra **Ole** og **Barbro Klevenberg**, saman med den ugifte dottera **Anna Otilie** (no skreven *Anne*). Dei bur framleis i *Dramsviken*, slik dei gjorde ti år tidlegare, men no er **Ole** titulert «**Overrettsagfører**». **Anna Otilie** døyr i Grimstad 23. desember- og vert [gravlagd ved Grimstad kyrkje 23. desember 1886](#) [# 28].

Ole Klevenberg døyr i Grimstad 19. desember 1887 og [vert gravlagd vesle julaftan s.å.](#) [# 27]. **Barbro** finn vi registrert med [dødsdato 13. mai- og gravferd 20. mai 1898](#) [# 9] i Lillehammer kjøpstad.

Barbra Augusta Frisak finn ein i [1910 som kontordame ved Grefsen folkesanatorium](#) i Aker, systera **Marie Klevenberg** [er i 1900 saman med](#) stemor *Inga* og far *Hans Frisak*. Han er no distriktslækjar i ytre Holmedal. Her tek han [m.a. mot 8 kroner frå heradstyret](#) for «*besiktigelse af kirkegaarden*». Ved [teljinga 1910](#) har han same yrkesnemning, men no er bustaden deira [Faavolden](#) i Finnøy herad i Ryfylke.

Ein kan vel her syne til ei [omtale av boka](#) «Fugl Fønix», skreven av [Garbiel Scott](#) og utgjeve i 1898. Her er nemnt eit selskap som vart halde 'i anledning *dr. Hans Frisaks* avreise frå byen'.



[Fugl Fønix](#)

Det er elles fleire nettsider der Klevenbergslekta frå Vågå er nemnt. Nedst på sida '[asbjørn.info](#)' finst ei slektstavle og omtale. 'Ryagerslekt' har ein [bloggpost](#) om «den mystiske danske enken». Sorenskrivar Berbom er [omtala på side 51 i «Jutulen»](#), Vågå historielag sitt årsskrift frå 2009. – Ho Annuncia, [dotter til skreddaren på Lundsia](#), hu' står hos Berbom og kan violin **Sophie Marie**, f i Kristiania 28. januar 1845, dotter til snedker Tor Johansen Klevenberg og Georgine Marie f. Berbom vart [konfirmert i Aurdal 1. juli 1860](#).

Narve ifrå Øyhuseigun, «Grubearbeider» - og bestefar til mange «Værksarbeider» på Modum – husmann og «grubearbeider» i Øyestad

Gift fattiglem, **Narve Erikson**, fødd 1824 i 'Søndre Aurdal', [døyr 24. januar 1891](#)^[#2] på [Skyttemyr](#) i Froland prgj. i Aust-Agder Det er ingen døypt i 1824 i Sør-Aurdal med denne namnekombinasjonen, men 2 born vart døypte i 1825 og eitt i 1821. Alle er syskenborn, og dei er oppkalla etter bestefar sin. **Narve Olson** (1759-1845). Ein av dei vert buande i Valdres og har stor etterslekt, der Narvenamnet er nytta i oppattkalling. Dei to hine karane flytter bort frå Valdres, men for å skjone kven av dei som enda livet sitt i Froland måtte ein slå fylgje med baa Narveane eit stykke veg.

Det synt seg at **Narve Erikson** f 18/2-1825, [dpt 6/3-1825](#)^[#25], flytta til Nes i Hallingdal, der han [gifta seg 26. mars 1853](#) ^[#6] med Ragne Rasmusdotter. Familien [emigrerer 24. april 1866 frå Drammen](#)^[#29-35]. Vi finn dei att ved [teljing i 1880](#) i North Fork twp., Stearns Co., Minnesota.


Då vart det han som var «lengst unna» fødselsår opgive ved død/gravferd ein laut sjå nærare på. **Narve Erikson** var f 24. november 1821 på Øyhuseige i Bagn sokn. Han vart døypt i [Bagn kyrkje «sjuledagen»](#), [25. desember s.å.](#)^[#9]. Foreldra var [Erik Olson](#) og [Ingebjørg Narvesdotter](#). Han vart konfirmert i Bagn kyrkje [5. mars 1837](#) ^[#8].

Kva tid **Narve** vart «[Moing](#)» er ikkje å finne i innflyttingsattestene, men [12. mai 1844](#)^[#22] er han brudgom i [Heggen kyrkje](#). Brura heiter **Anne Torgersdotter**. Ho vart fødd på [Tvefotrud](#) i Modum 4. august 1818 og døypt «[13. søndag efter Trefoldighet](#)» s.å. ([16. august 1818](#))^[H side. 3. ovanfrå] i Heggen kyrkje. Foreldra hennar heiter *Torger Jonson* og *Ingeborg Olsdotter*. [Konfirmert vart ho 27. oktober 1833](#)^[#5], også i Heggen kyrkje.

Narve er eit lite nytta namn i Valdres – ein finn det nokre få stader i sørre del av dalen. Namnet har, som ein ser av tabellen nedanfor, kjerneområde i Buskerud. Det har truleg kome til sørre del av Valdres med ein innflyttar frå vest/sørvestleg lei. Baa Narvekarane frå Bagn flytter til område der førenamnet deira har langt fleire bærarar enn det dei er van med frå heimstaden sin.

Wikipedia fortel: **Narve** er eit namn frå [norrøn gudelære](#). Namnet kjem frå [norrønt njörva](#), å binda, og tyder «den som bind».

Folketeljing 1801		1865		1910		Skattelister 2010	
Sigdal	29	Sigdal	34	Rollag	9	Sør Trøndelag	14
Rollag	11	Norderhov	9	Sigdal	6	Buskerud	13
Norderhov	10	Nes, Hallingdal	8	Lier	7	Hordaland	11
Nes, Hallingdal	5	Rollag	8	Norderhov	7	Akershus	10
Bragernæs	4	Eiker	8	Krødsherad	5	Møre&Romsd	9
		<u>Modum</u>	<u>6</u>			<u>Rogaland</u>	<u>8</u>
<u>Buskerud</u>	<u>86%</u>	<u>Buskerud</u>	<u>68%</u>	<u>Buskerud</u>	<u>62%</u>	<u>Buskerud</u>	<u>13%</u>



Kart som syner utbreiinga av namnet Narve i Buskerud 1801 og 1910, i Noreg 1865 – samt Logo til «[Narvesen](#)»

[SSB sin namnestatistikk](#) for 2013 fortel: Det er 289 menn som har **Narve** som fyrste fornamn, og av dei 216 menn som har **Narve** som einaste fornamn.

Då **Anne** og **Narve** giftar seg, bur båe på garden Kongsrud. Narve er nemnd «værksarbeider». Kva «værk» han arbeider ved er ikkje nemnt, men «[Blåfargeverket](#)» har ei stor tid på 1840-talet. Dei får tre born medan dei bur på Modum. **Erik** f på Kongsrud 29. mai 1844, [dpt 14. juli s.å. \[#75\]](#), **Torger** f 3. mai på Sandakereige-, [dpt 25. juni 1848 \[#68\]](#) og **Nils** f på Sandakereige 7. november 1850, [dpt 23. februar 1851 \[#13\]](#).

[12. april 1858 \[#24-28\]](#) får **Narve** skrive utflyttingsattest for familien til [Øyestad sokn](#) i Aust-Agder. Nokon opplysning om innflytting til Øyestad her eg ikkje funne i kyrkjeboka. – Sonen **Johan** vert fødd 24. april 1853 på Torbjørnsbo, [Tromøy prgj](#) og [døypt 12. juni s.å. i Tromøy kyrkje \[#34\]](#). **Narve Erikson** er nemnd «grubearbeider» då dottera **Ingeborg Christine** vert [døypt i Øyestad 24. april 1859 \[#34\]](#). Ho var fødd 10. mars s.å. **Erik Narveson** vert [konfirmert i Øyestad 2. oktober 1859 \[#15\]](#).

Anne Torgersdtr dør 30. desember 1860. Familien bur då på Braastad i Øyestad. Ho vert [gravlagd i Øyestad 13. januar 1861 \[#7\]](#), 42 år gamal. **Torger Narveson** vert [konfirmert i Øyestad 4. oktober 1863 \[#13\]](#). Ein legg merke til at **Torger** systematisk vert skriven *Terje* her på Sørlandet.

Narve Erikson lever som enkjemann fram til [5. mars 1864 \[#1\]](#). Då giftar han seg oppatt med **Marte Marie Gjeruldsdotter**, f 17/11- i Uglebo, Austre Moland, [dpt 7/12-1828 \[#31\]](#) og [konfirmert 15/10-1843 \[#11\]](#) i [Austre Moland kyrkje](#). Ho er dotter til *Gjeruld Andersen* og *Elen Jacobsdotter*. Eit par månader etter bryllaupet, 2. juli 1864 kjem sonen **Andreas** til verda. Han vert [døypt 31. juli 1864 \[#77\]](#) i [Øyestad kyrkje](#). **Nils Narveson** vert konfirmert i Øyestad [1. oktober 1865 \[#15\]](#).

Vi finn familien registrert ved [folketeljinga 1865](#) på plassen Leerhullet under garden Braastad i Øyestad prestegjeld (seinare gnr. 53 i Øyestad). Narve er no nemnd «*Husmand med jord og Grubearbeider*». Sonen **Nils** har same yrke, medan **Erik** er «*Sømand*» og **Torger** (Terje) «*gaar i Dagleje*».

Matros **Erik Narveson** giftar seg i Austre Moland [9. januar 1870 \[#2\]](#) med **Marte Marie Tjøstelsdtr** f 14/1-, [dpt 2/2-1845 \[#1\]](#). Foreldra hennar er *Tjøstel Rasmusson* og *Kirsti Ellingsdtr*. Ho er i 1865 registrert på [Boraas, løpenr. 114](#) i Austre Moland. Vi finn huslista med **Marte Marie** og **Erik** ved [teljinga i 1891](#) (og [fyrste personseddel](#)). I 1900 er dei registrert på [Strømsbunes, Tromøy i Barbu](#), og ved teljing 1910 er **Erik Narveson** enkjemann og bur saman med dottera **Kirsten** på [Strømsbu, krets 71 i Arendal](#).

Erik og **Marte Marie** vart foreldre til denne barneflokk: **A1** **Anne** f 11/10-, [dpt 13/10-1870 \[#17\]](#) i Austre Moland, [konf 11/10-1885 \[#57\]](#) i Barbu kyrkje. Ho er i [1891](#) registrert på Strømsbu i Barbu. [19. april 1897 \[#10\]](#) vert ho gift, i Barbu kyrkje, med skreddarsvein **Theodor Lundstrøm Knutsen**. Vi finn paret i [1900](#), busett i Gunnarsbøgaden 377b i Arendal. I [1910](#) er **Anne** enkje – ho bur no saman med ei dotter og tre søner i [Strømsbu, krets 71](#) i Arendal kjøpstad. **A2** **Kjøstel Reinert** f 7/10-, [dpt 1/12-1872 \[#84\]](#) i Arendal registrert i Barbu ved FT 1891. Han vert [gift 5/3-1899 \[#5\]](#) i Barbu kyrkje med **Augusta Johannesen** frå [Qville i Tanum](#), Bohuslän. Vi finn ekteparet registrert i Tromøy ved [teljinga i 1900](#) og i Strømsbu krets 85 i [1910](#). **A3** **Kirsten** f 8/10-, [dpt 15/11-1874 \[#78\]](#) er registrert i teljingane [1900](#) og [1910](#). **A4** **Erik** f 12/5-, [dpt i Barbu 26/5-1878 \[#47\]](#), finn vi i [1891](#) og [1900](#). I [1910](#) er han registrert gift med **Asborg Amalie Gjeruldsdtr** i Barbu Kreds 288 i Arendal. [DIS Gravminner](#) har han notert død 18. juni 1957 [ID=1081653] og gravlagd ved Barbu kyrkje. **A5** **Marthe Nathalie** f 12/5-, [dpt i Barbu 27/6-1880 \[#57\]](#), registrert ved FT 1891. I [1900](#) bur ho på Strømsbunes 2/21 i Tromøy og ved [teljing 1910](#) er ho hushaldar hjå skipsreiar Hans C Evensen på Hansnæs 32, Strømmen i Øyestad. **A6** **Halvorine Otilie** f 7/8-, [dpt 12/8-1883 \[#53\]](#), reg. [1900](#) på Strømsbunes 2/21 i Tromøy.

Torger (Terje) **Narveson** ser ut til å vera ungkar fram gjennom livet. Ved [teljinga 1900](#) er han registrert som «*Skibstømmermann tilsjøs*» med bustad Strømsbunes 2/21 i Tromøy.

Nils Narveson er brudgom i Barbu kyrkje [9. april 1884 \[#21\]](#). Brura heiter **Anne Serine** og er dotter til «arbeidsmand *Svend Pedersen* og *Ragnhild Tellefsdtr*». Ho vart fødd 17/7- [dpt 9/9 s.å. i Tromøy kyrkje \[#62\]](#) og [konfirmert same stad 4/4-1875 \[#26\]](#). Ved [teljinga i 1891](#) finn vi dei i Barbu herad. I [1900](#) bur familien på Strømsbunes, gnr 2/20 på Tromøy i Barbu. Nils er no «*Stuer – lodser skibe*». I dagens språkdrakt ville han helst vorte kalla «*havnearbeidar*». Han har same yrkesnemning også ved [teljinga i 1910](#). – Borna til **Anne Serine** og **Nils** er: **B1** **Narve** f 11/1-, [dpt 15/2-1885 \[#10\]](#), [død og gravl. 9/8-1894 \[#45\]](#). **B2** **Severin Ragnvald** f 20/6-, [dpt 1/8-1886 \[#61\]](#), [død 12/8-](#), [gravl 13/8-1894 \[#46\]](#). Båe gutane døydde av [difteri](#). **B3** **Nils Andreas** f 24/12-, [dpt 12/2-1888 \[#12\]](#), FT 1891, FT 1900, FT 1910. **B4** **Erik Martinus** f 14/7-, [dpt 25/9-1892 \[#72\]](#), FT 1900, FT 1910, [død 11/1-1969 \[ID=971243\]](#), gift 1916 med **Ingrid Larsen** f 1893 i [Ølen](#), død [5/11-1976 \[ID=971244\]](#) (dette delvis ut frå oppl. ved dåp av sonen **Gunvald Sverre** [8/12-1918 \[#73\]](#)). **B5** **Anna Ragnhilde** f 16/7-, [dpt 10/9-1893 \[#60\]](#), [død 16/8-1894 \[#53\]](#). **B6** **Anna Ragnhilde** f 14/8-, [dpt 8/9-1896 \[#56\]](#), FT 1900, FT 1910. **B7** **Olga** f 9/8-, [dpt/død 14/8-1896 \[53\]](#), gravl. 19/8-1896. **B8** **Narve Severin** f 15/5-, [dpt 10/7-1898 \[#48\]](#), [død 2/7-1900 \[#21\]](#). **B9** **Gudrun Andrine** f 5/12-1900, [dpt 14/4-1901 \[#19\]](#), FT 1900, FT 1910.

Johan Narveson er den av brørne som ikkje finn eit yrke knytt til skipsfart. Han vert konfirmert i Øyestad prgj. [13. oktober 1867](#)^[#10]. Då han gifter seg i [Vegårshei 16. desember 1882](#)^[#11] er yrket grb.arb., ved [FT1900](#) «arbeidsudyktig veierbeider». Kona til **Johan** er **Birte Oline Pedersdtr**, f 2/9-, [dpt 17/9-1865](#)^[#69] i Holt prgj, dotter til arb. *Peder Knudsen* og kona *Ingeborg Jensdtr*. **Birte Oline** vert [konfirmert 10/10-1880](#)^[#32] i Vegårshei. Ved teljingane i [1900](#) og [1910](#) bur familien på plassen Aasheim under gnr. 2/2 i Vegårshei herad. **Johan** dør [29/7-1932](#) [ID=187284] og **Birte Oline** [16/2-1944](#) [ID=187283].

- Dei har ein stor ungeflokk: **C1** **Anne Marie** f 2/3-, [dpt 26/3-1883](#)^[#10], **C2** **Narve** f 12/1-, [dpt 8/2-1885](#) [#3], [død 26/12-1963](#) [ID=187543] gm **Inger Helene Torjersdtr** f 1889, [død 1/6-1956](#) [ID=187542]. **C3** **Ingeborg** f 22/8-, dpt [6/10-1889](#)^[#69] i Tvedestrand. **C4** **Berte Johanne** f 18/9-, [dpt 21/10-1894](#)^[#14] i Vegårshei. **C5** **Peder** f 10/4-, [dpt 30/5-1898](#)^[#8], [død 19/11-1980](#) [ID=187549], gravl. Espeland. **C6** **Jørgen** f 23/10-1900, [dpt 9/6-1901](#)^[#3], [død 18/9-2002](#) [ID=187548]. **C7** **Trygve** f 19/12-1900, [dpt 1/2-1902](#)^[#2]. **C8** **Margit** f 17/12-1904. [dpt 25/6-1905](#)^[#5]. **C9** **Gudrun** f 17/1-, [dpt 17/3-1907](#)^[#2] og **C10** **Ingeborg Elise** f 7/7/-, [dpt 22/8-1909](#)^[#10].

Sonen frå andre ekteskapet til Narve, **Andreas Narveson**, [gifta seg i Øyestad 24. november 1892](#)^[#19] med **Kjersten Sofie Johansdtr**, f 5. oktober 1868 på Stunæs i Stokken sok, Austre Moland. Ho er dotter til sømand *Johan Martin Jenson* og kona *Anne Oline Jensdtr*. **Kjersten Sofie** sto til [konfirmasjon 30. september 1883](#)^[#9] i Tromøy. **Kjersten Sofie** døydde i 1940[DIS ID=2890758]. Eg har funne desse borna, alle fødte på Strømmen under gnr. 32/5 i Øyestad: **D1** **Nils Martinus** f 13/4-, [dpt 3/6-1895](#)^[#25]. **D2** **Josefine Alice** f 10/2-, [dpt 16/5-1897](#)^[#18]. **D3** **Esther Marie** f 17/10-, [dpt 3/12-1899](#)^[#47] og **D4** **Jørgen Nikolai** f 30/6-, [dpt 27/9-1903](#) [#29] . Vi finn dei att i teljingane for [1900](#) og [1910](#).




Flytteleia til Narve Erikson – samt kart som syner stader nemnde i stykket.

Eg vil tru at Narve Erikson hadde betre greie på malm og bergverksdrift enn dei fleste Sør-Aurdøler (og for den saks skuld - andre Valdrisar) – både dåverande og nolevande !

Lensmennene i Valle i Setesdal

Den fyrste lensmannen er nemnd i stubben «[Det står ein friar uti garé](#)». **Ola Julson Lund** og **Heloise Margrethe Johanne Sverdrup** kom i 1872 til Valle iflg «[Lund-slekta i Valle, Setesdal 1872-1972](#)». Det ser ut til at dei hadde med to born, **Jul Olson** ^A f [Sjøholt](#) 19/1-, dpt [Ørskog krk. 28/3-1869](#) [#20], konfirmert i [Kristiansand 12/4-1885](#) [#17] og **Ane Methine** ^B f [Sjøholt](#) 8/12-1870, dpt [Ørskog krk. 1/1-1871](#) [#1], død på Kvæstad([Kveste](#)) i Valle [24/6-1873](#) [#16], gravl 30/7 s.å. – Lat meg her ta med at **Ola Julson** var tremening med ein av mine fire oldefedre. – og at **Isak Julson** frå stubben «[Skomakarmeister i Langestrand](#)» var bror til bestefar til **Ola Julson** (som òg heitte Ola Julson) !

No er slektsgreina frå Setesdal svært godt kartlagt i førnemnde hefte om Lundslekta i Valle.



Eg skal likevel koma med kyrkjebokreferansene for dei to fyrste generasjonane som vart fødte i Setesdal. Dei yngste ti alle er døypte og konfirmerte i [Valle krk.](#) **Søren Sverdrup** ^C var f 24/9-, dpt [20/10-1872](#) [#24], konf [17/4-1887](#) [#15]. **Anna Sofie** ^D f [Kvæstad\(Kveste\)](#) 25/6-, dpt [9/8-1874](#) [#14], konf [13/4-1890](#) [#16]. **Tina Hartvigine** ^E f [Kvæstad](#) 5/1-, dpt [27/2-1876](#) [#11], konf [24/4-1892](#) [#16]. **Marie** ^F f 3/11-, dpt [11/11-1877](#) [#30], konf [1/4-1894](#) [#15]. **Petra Marie Blom** ^G f 30/11-, dpt [15/12-1878](#) [#56], død [4/12-1879](#) [#22], gravl 11/12 s.å. Ei ny **Petra Marie Blom** ^H f [Haugebirke](#) 26/9-, dpt [17/10-1880](#) [#32], konf [12/4-1896](#) [#10]. **Johan Henrik L'Abée** ^I f [Haugebirke](#) 30/3-, dpt [6/4-1882](#) [#12], konf [25/4-1897](#) [#1]. **Karl Johan Sverdrup** ^K f [Haugebirke](#) 22/7-, dpt [Olsok 29/7-1883](#) [#8], konf [9/4-1899](#) [#10]. **Georg Peter Kristian Sverdrup** ^L f 13/8-, dpt [23/8-1885](#) [#15], konf [14/1-1901](#) [#2]. Yngste barnet var **Olaf** ^M f 7/12-, dpt [16/12-1888](#) [#15], død [11/4-1894](#) [#5], gravl 18/4 s.å.

Som de ser har ein av sønene vorte døypt med namnet **L'Abée**. Ja, det var den gode distriktslækjaren som var årsaka til at [utsiftingsformannen](#) frå [Sofienlund](#) og nessekongedottera frå [Fiskerosen](#) treftest i Aurdal – så dei hadde god grunn til å heidre karen med oppkalling! – For dei som har boka «[Folket fra Kulterstad og Landmark](#)» (ISBN 82 90066 68 6) kan eg her ta med teorien frå side 18:

L. Abec brukte å ride på Asbjørstølen nesten hver helg, der han hadde «koven» som eget rom. Det står ennu et roskap etter han der det til siste tider har luktet sterkt urter, enda det har vert skuret flere ganger. L. Abec ble ikke reknet som særlig flink lege. Han var liten og ilter av seg, ble det sagt. Kona het Henriette, og overlevde han noen år. I 1873 ble hun titulert som enkefrue.

De hadde ingen barn, men adopterte en gutt fra Sofienlundslekten. Han tok navnet L. Abec Lund, ble vistnok utdannet som ingeniør, og det skal vere endel slekt etter han i Oslo.

Sidan [distriktslækjar L'Abée](#) døydde [23/11-1871](#) [#49] og **Johan Henrik L'Abée** kom til verda i 1882 skjønar vi at [han ikkje på nokon måte kunne bli adoptert av distriktslækjarparet](#). Han var berre fem år gamal då enkefru **Christiane Henriette L'Abée** døydde i Kristiania [17/3-1887](#) [#5]. Sjå:«[Navnet er fredet](#)»

Det ser også ut til at døtrene som vart døypte **Petra Marie Blom** (**C;H**) fekk namn som peikte attende til sokneprest **Peter Blom** i Valle (sokneprest frå 1864 til 1880).

Familien budde ved [FT1875](#) på Kvæstad, løprnr. 155 i Valle. Her leiger dei husrom hjå Ole Bjørnsen og Torbjør Lidvorsdotter. Lundfamilien har tenestjenta *Margith Eivindsdtr Stavnbo*. – 6. oktober 1876 vert gardsbruket **Haugebirke** fråskilt Valle Prestegard. *Lensmand Ole Lund* får «*Kongeligt skjøde*» på eiegen 4/3-, [tinglyst 13/6-1877](#). Her finn vi familien i teljinga 1891 ([Husliste](#), Personskjema [f.o.m.](#) – [t.o.m.](#)). Dei hadde då [huslærar Kristian Hølmersen Hølm](#) og to tenestjenter, [Asjer Bjørgulfsdtr Nesland](#) og [Tone Aanundsdr Rike](#). **Haugebirke** gnr 42/8 var bustad også ved [FT1900](#) og [FT1910](#).

«*Gift lensmand h.v.*» **Ole Lund** døydde av [slag](#) på Haugebirke [4/7-1920](#)[#9]. Han vart gravlagd og jordfesta ved Valle krk. 9/7 s.å. **Heloise Margrethe** døydde iflg ein [GENIprofil](#) 17/3-1937.

Sidan DISgravminner ikkje har med gravminner frå Valle kyrkjegard lyt eg her vise til andre- og tredjehands opplysningar som t.d. GENI. (DIS har registreringar frå Hylestad kyrkjegard)

Jul Lund **A** f gifta seg [7/8/1893](#)[#8] med **Jørond Tarjeisdtr Røysland**, dotter til **Tarjei Sveinson** og **Tora Knutsdtr**, f 23/12-1870, dpt Valle krk. [29/1/1871](#)[#4], konf [2/5-1886](#)[#13]. [FT1891](#) fortel at **Jul** var «*Adjungeret Lensmann og stevnevitne*»

Jørond og **Jul** vart foreldre til eit dusin born, alle fødte på Haugebirke. Eldst var **Hildeborg Sverdrup** **A1** f 20/4-, dpt [14/5-1894](#)[#8], konf [16/5-1909](#)[#1]. **Olaf** **A2** f 23/6-, dpt [28/7-1895](#)[#12], konf [3/4-1910](#)[#2]. **Tora** **A3** f 24/3-, dpt [4/4-1897](#)[#7], død [28/4-1898](#)[#4], gravlagd 5/5 s.å. **Torgeir** **A4** f 29/4-, dpt [6/5-1898](#)[#6], konf [30/3-1913](#)[#2]. **Einar** **A5** f 18/3-, dpt [12/4/1900](#)[#3], konf [11/4/1915](#)[#2]. **Knut** **A6** f 24/9- dpt [3/11-1901](#)[#18], konf [15/4-1917](#)[#18]. **Ragnar** **A7** f 19/5-, dpt [24/5-1903](#)[#4], konf [27/4-1919](#)[#1]. **Tora** **A8** f 2/2-, dpt [12/2/1905](#)[#3], konf [11/4-1920](#)[#12]. **Svein** **A9** f 13/12-1906, dpt [20/1/1907](#)[#1], konf [3/4-1921](#)[#3]. **Harald** **AX** f 27/11-, dpt [27/12-1908](#)[#14], konfirmert [27/4-1924](#)[#8]. **Sverre** **AY** f 1/12-1910, dpt [15/1-1911](#)[#1], konf [11/4-1926](#)[#1]. **Sigurd** **AZ** f 22/11-, dpt [15/12/1912](#)[#14], konf [15/4-1928](#)[#1]. Vi finn familien på Haugebirke gnr 42/8 både i [FT1900](#) og [FT1910](#).

Jul Lund **A** fekk skjøte av faren, datert 16., [tinglyst 17/2-1911](#), på Haugebirke gnr 42/8 og gnr 40/4 for kr. 3000. Han skulle «*forsørge sælgeren og hustru til deres død*» og «*overdrage til sin søster Anna et maal jord*». **Jul** **A** selde garden, med unntak for ‘*Gamlestova*’, vidare til sonen **Olaf** **A2** med skjøte dagsett 16/2, grunnbokført 11/3-1938. – Ein [GENIprofil](#) fortel at **Jul** **A** døydde i 1962, og at **Jørond** døydde i 1950.

Hildeborg Sverdrup **A1** gifta seg i Kristiansand [9/9-1914](#)[#73] med **Tarjei Olavson Sagneskar**, son til [brugsmand Olav Tarjeison](#) og [Birgit Tellefsdtr](#), f 8/1-, dpt [25/1-1891](#)[#1], konf [22/4-1906](#)[#1]. **Tarjei** vart ved [FT1900](#) registrert i Sagneskar gnr 41/3 i Valle. Ein [GENIprofil](#) fortel at **Tarjei** døydde i 1968 og **Hildeborg** døydde 1969.

Olaf **A2** sto brudgom i Valle krk. [17/6-1920](#)[#3]. Han gifta seg med **Tone Bjørnsdtr**, dotter til **Bjørn Olson** og **Birgit Olsdtr**, f på [Kvæste](#)(Kvestad) 24/1-, dpt [1/3-1891](#)[#4], konf [22/4-1906](#)[#5]. [FT1900](#) plasserer henne på Kvestad gnr 54/1 i Valle herad

Torgeir **A4** hadde heller ingen lang friarveg. Han vart gift i Valle [18/6-1925](#)[#2] og brura var **Tora Knutsdtr** frå [Åmli](#), f 2/4-, dpt [24/5-1903](#)[#4], konf [7/4/1918](#)[#17]. Foreldra hennar var gbr. [Knut Åsmundson](#) og [Gunne Torjusdtr](#). I [FT1910](#) budde familien i Rydningen gnr 50/1 i Valle herad.

Einar **A5** finn eg hjå DISgravminner gravlagd på [Nordre Gravlund](#), Oslo [6/6-1994](#). Han døydde 20/2-1994. På same gravnr. finn vi òg **Martha Lund**, død [4/6-1998](#), gravl 30/7 s.å. Ho må vera dotter til [Otto Leonhardt Olsen](#) og [Sofie Pedersdtr](#), f [Felbergstuen](#) på Jevnaker 11/2-, dpt [Jevnaker krk. 15/5-1908](#)[#25], konf [1/10-1922](#)[#9]. Familien var ved [FT1910](#) busett i Stuen gnr 117/3 i Jevnaker. Slektsboka fortel at **Martha** og **Einar** **A5** gifta seg i 1934.

Knut **A6** fann seg ektefelle frå grannekommuna i sør. **Astrid** var f på [Haugå](#) i Bygland 20/12-1902, dpt [Bygland krk. 1/2-1903](#)[#1]. Foreldra hennar var [Jakob Gunnarson](#) og [Anne Gunsteinsdtr](#). Dei budde ved [FT1910](#) på Haugaa gnr 36/3 i Bygland herad. **Astrid** og **Knut** gifta seg i Valle [21/11-1931](#)[#2]. DISgravminner syner at **Astrid** døydde [24/8-1978](#), gravl 31/8 s.å. **Knut** **A6** fekk høg alder, han døydde [101 år gamal, 18/2-2003](#), gravl 25/2 s.å. Ektefolka kviler på [Kristiansand kirkegård](#).

Setesdalsviki fortel at **Ragnar** **A7** Lund døydde [1/7-1997](#).

Tora **A8** fekk og ektefelle frå Bygland. Ho gifta seg i [Sandnes kapell 15/6-1927](#)[#1] med **Olav Knutson Sandnes**, son til landhandlar [Knut Olson](#) og [Sigrid Knutsdtr](#), f 30/3-, dpt [5/4-1901](#)[#1]. DISgravminner syner at **Tora** **A8** døydde [22/3-2000](#), gravlagd ved Sandnes kapell.

Handelsbestyrar ved Sundebru, **Svein**^{A9} **Lund** gifta seg i [Gjerstad 29/6-1935](#)^[#6]. med **Guðrun Knutsdtr** f [Ulltveit 11/2-](#), dpt [Gjerstad 12/3-1911](#)^[#5], konf [3/10-1926](#)^[#18], dotter til [Knut Nilsson Ulltveit](#) og [Karen Gundersdtr](#) som ved [FT1910](#) budde på Ulltveit gnr 10/9 i Gjerstad. *Setesdalsviki* fortel at Svein døydde [22/7-1996](#) medan **Guðrun** døydde [21/11-1999](#),

Sverre^{AY} gifta seg i Gjerstad [9/8-1941](#)^[#12] ([Valle](#)) med svigerinna si, **Inger Knutsdtr Ulltveit**. Ho var fødd [23/4-](#), dpt i Gjerstad [30/5-1909](#)^[#8], konf [5/10-1924](#)^[#8]. *Setesdalsviki* syner at **Sverre** døydde [30/8-1911](#).

Sigurd^{AZ} vart skriven «*Gardsarb*» då han [2/7-1936](#)^[#0] gifta seg med **Ingebjørg Å Brokka**, dotter til [Amund Eivindson](#) og [Tora Aslaksdtr](#), f på [Rike](#) i Valle 1/11-, dpt [8/11-1914](#)^[#8]. Ho var konfirmert i «[Frikyrkja i Vennesla](#)». *Setesdalsviki* opplyser oss om at **Sigurd** døydde [1/6-2009](#).



Frå Setesdal – Foto OHF - 2. juni 2004

Søren Sverdrup^C gifta seg i Valle [17/12-1901](#)^[#11] med **Anne Bjørgulfsdotter**. Ho var f på [Rysstad](#) i Hylestad sokn 24/7-, dpt [Hylestad krk. 12/8-1883](#)^[#7], konf [1/5-1898](#)^[#13]. Ho var dotter til [Bjørgulf Gunnarson Rysstad](#) og [Joraand Johnsdr](#). **Anne** budde ved [FT1900](#) saman med foreldra og sju sysken på Rysstad gnr 68/1 i Valle herad. Ved [FT1900 \(reg2\)](#) vart **Søren**^C nemnd «*Trælasthandler og lensmannsbetjent*». I [FT1910](#) budde **Anne** og **Søren**^C på Haugebirke gnr 42/8.

Tillike med storebror Nils vart også **Søren**^C far til ein ungeflokk på eitt dusin. Dei fem eldste borna vart fødte på Haugebirke, dei neste sju på **Lund** (gnr 42/14, [tgl. 7/10-1910](#)), som **Søren** fekk skilt ut frå Valle prestegard 6. oktober 1910. - Eldstebarnet var **Bjørgulv**^{C1} f 22/8-, dpt [28/9-1902](#)^[#16], konf [15/4-1917](#)^[#17]. **Hildeborg Sverdrup**^{C2} f 23/6-, dpt [3/7-1904](#)^[#11], konf [11/4-1920](#)^[#1]. **Jorånd**^{C3} f 18/8-, dpt [9/9-1906](#)^[#12], konf [3/4-1921](#)^[#14]. **Ragnhild**^{C4} f 2/6-, dpt [20/6-1909](#)^[#7], konf [27/4-1924](#)^[#19]. **Liv**^{C5} f 10/8-, dpt [3/9-1911](#)^[#8], konf [11/4-1923](#)^[#9]. **Anna**^{C6} f 12/12-1913, dpt [1/1-1914](#)^[#1], konf [15/4-1928](#)^[#22]. **Karl Sverdrup**^{C7} f 6/5-, dpt [11/6-1916](#)^[#8], konf [12/4-1931](#)^[#2]. **Magli**^{C8} f 14/7-, heimedpt [15/7-1918](#)^[#7], død [28/6-1918](#)^[#5], gravl 4/7 s.å.. Tvillingsystera **Marie Sverdrup**^{C9} f 14/7-, dpt [1/9-1918](#)^[#9], konf [23/4-1933](#)^[#15]. **Gunnar**^{CX} f 4/2-, dpt [6/4-1921](#)^[#4]. **Olav Sverdrup**^{CY} f 11/8-, dpt [16/9-1923](#)^[#9]. **Jon**^{CZ} f 15/5-, dpt [20/6-1926](#)^[#3].

Setesdalsviki fortel at **Søren**^C døydde [9/1-1947](#) medan **Anne Bjørgulfsdtr** døydde [28/12-1962](#).

Bjørgulv^{C1} vart uteksaminert frå [NLH i 1926](#). Han var fylkesagronom i Aust-Agder frå 1939. Han gifta seg i Valle [23/6-1932](#)^[#1] med **Hæge Håvardsdtr Viki**, dotter til **Haavor O Viken** og **Gunhild Sveinsdtr**, f 14/5-, dpt [1/6-1902](#)^[#7], konf [15/4-1917](#)^[#7].

Jorånd^{C3} (**Tveitan**) finn eg hjå DISgravminner med dødsdato [5/1-1976](#). Ho vart gravlagd på [Heddal kyrkje](#)gard (Notodden kommune) 9/1 s.å. På same gravnummer finn vi **Lars Tveitan**. Han var f 22/5- på [Tveitan](#) i Heddal, dpt [3/6-1886](#)^[#21] i Heddal(Hitterdal) stavkyrkje og konfirmert [6/10-1901](#)^[#14]. Foreldra hans var [Steinar Gunleikson](#) og [Tone Larsdtr](#). Dei vart nemnde i «*Hitterdalsboken: gaarde og slegter*» på [side 259](#). - **Lars** døydde [23/8-1953](#), gravl 29/8 s.å.

Ragnhild^{C4} gifta seg i Valle krk. [2/6-1934](#)^[#1] med **Olav J Lien**, son til [Jørund Olavson Homme](#) og [Gunhild Halvorsdtr](#), f 28/4-, dpt [26/5-1907](#)^[#9], konf [23/4-1922](#)^[#6].

Liv^{C5} vart [16/4-1946](#)^[#2] gift med **Anders O Rysstad**, son til [Olav Gunnarson](#) og [Kristi Jonsdtr](#), f 15/4-, dpt [Årdal krk](#) i Bygland prgj. [28/5-1917](#)^[#3].

Hjå Setesdalswiki finn vi at **Anna Sofie** ^P døydde [17/3-1953](#). Nettsida har med fleire fotografi som **Anna Sofie** var meister for, mellom anna fotoet nedanfor – frå Valle – kalla «Hjem frå Støylen». Biletet høyrer til Nasjonalbiblioteket og er *Lisensiert under [Creative Commons](#)*.



Tina Hartvigine ^E var i [FT1900](#) lærarinne, busett i [Straumsnes](#) gnr 15/5 i Kvitseid. Ho var i [FT1910](#) son «Landhandlerske» busett på Solbakken(Holti) i Byklum krins, Valle prgj. Ho var då gift med **Aanond Jonson** Bratteli, f 25/10-1887, dpt [Bykle 15/1-1888](#)^[#5], konf [25/5-1902](#)^[#3], son til [Jon Anderson Braatli](#) og [Margit Knutsdtr.](#) Setesdalswiki fortel at **Tina** ^E døydde [1/10-1960](#). Ein GENIprofil opplyser at **Anund Brotte** døydde i [1964](#).

Anund og **Tina** ^E var foreldre til **Jon** ^{E1} f 9/5-, dpt [Bykle 11/9-1910](#) og **Margit** ^{E2} f 15/3-, dpt [23/6-1912](#)^[#3]. DISgravminner syner at **Margit** ^{E2} døydde [27/10-2008](#) og vart gravlagd ved [Øvrebø krk.](#) i Vennesla. Under same gravstein kviler **Jørgen Horrisland**, son til gbr. [John Kristenson](#) og [Randi Jakobsdtr.](#) f [Horrisland](#) (*Nok eit -land namn i Vest-Agder*) 11/3-, dpt [2/4-1899](#)^[#5]. Han vart ved [FT1900](#) og [FT1910](#) registrert på [Horrisland](#) gnr 31/2 i Øvrebø herad. DISgravminner fortel at han døydde [8/9-1977](#) og vart gravlagd ved Øvrebø krk. 14/9 s.å. Ekteparet er nemnde i databasen [boslekt.no](#).

Marie ^E starta [20/8-1901](#)^[#7] ekteskap i Valle krk. Brudgom var **Olav Knutson** Kyrvestad. Han var son til [Knut Olson](#) og [Sigrid Paulsdtr.](#) f på [Kyrvestad](#) 7/12-, dpt Valle krk. [1.juledag 1875](#)^[#38], konf [13/4-1890](#)^[#14]. Han var busett på [Kjørvestad](#) ved [FT1900](#).

Olav og **Marie** ^E var foreldre til **Sigrid** ^{E1} f 18/6-, dpt [29/6-1902](#)^[#11], konf [15/4-1917](#)^[#9]. **Knut** ^{E2} f 25/5-, dpt [18/6-1911](#)^[#5], konf [11/4-1926](#)^[#4]. **Hildeborg** ^{E3} f 3/6-, dpt [22/6-1913](#)^[#7], konf [15/4-1928](#)^[#21]. DISgravminner syner at **Marie** ^E døydde [1/12-1935](#) og vart gravlagd ved [Hornnes kyrkje](#). Ho er også nemnd på [Setesdalswiki](#).

Petra Marie Blom ^H fann seg og ektemake i nærområdet. Ho gifta seg i Valle krk. [24/6-1899](#)^[#2] med **Torjus Olavson** Nomeland, son til [Olav Salveson](#) og [Torbjør Torjusdtr.](#) f [Nomeland](#) 17/10-, dpt [20/10-1878](#)^[#49], konf [9/4-1893](#)^[#5]. Det vart ved [FT1900](#) og [FT19101](#) registrerte på [Nomeland](#) gnr 47/3 i Valle herad. **Petra** ^H døydde iflg Setesdalswiki [21/6-1956](#).

Torjus og **Petra Marie Blom** ^H fekk borna **Olav** ^{H1} f 4/9-, dpt [23/9-1900](#)^[#8], konf [11/4-1915](#)^[#11]. **Einar** ^{H2} f 15/10-, dpt [4/11-1906](#)^[#9], konf [3/4-1921](#)^[#6]. **Torbjörg** ^{H3} f 14/1-, dpt [27/2-1910](#)^[#2], konf [27/4-1924](#)^[#23], død [30/8-1972](#), gravl Oddernes gamle gravplass 4/9 s.å. **Salve** ^{H4} f 5/5-, dpt [9/6-1912](#)^[#4], konf [24/4/1927](#)^[#3]. **Søren Sverdrup** ^{H5} f 6/1-, dpt [6/2-1916](#)^[#3], konf [27/4-1930](#)^[#5]. **Targei** ^{H6} f 4/4-, dpt [21/5-1922](#)^[#5].

Johan Henrik L'Abée ^I gifta seg i Gamle Aker krk. i Kristiania [22/5-1909](#)^[#57] med **Gerd Moe**, dotter til sokneprest **Lars Anton Moe** og **Selma Caroline Fredrikke Riiser**, f.Hammerfest 15/6-, dpt [20/8-1882](#)^[#33]. **Gerd** var ved [FT1900](#) «*Logerende skoleelev*» med bustad [Parkveien 6](#) i Kristiania. Ho budde saman med storesystra, **Kristiane(Kitty) Lovise** f [Kistrand 8/2-1876](#)^[#3] som vart gift med **Per Kure**. Han var, saman med universitetsstipendiat *C Marstrander*, forlovar til **Johan Henrik** og **Gerd**. Les gjerne nettsida «*L'Abée-Lund Norwegian Compass*» og [Setesdalswiki](#) - **Lars Anton Moe** var ved [FT1900](#) sokneprest i Nordre Land og prost i [Hadeland og Land prosti](#). - **Johan Henrik** ^Idøydde [23/4-1962](#), gravl. 27/8 s.å. - og **Gerd** døydde [11/10-1965](#), gravl. 30/10s.å.

Dei var foreldre til: **Lars Anton** ^{II} (oppattkalla etter morfaren) f 22/4-, dpt [Uranienborg krk. 16/6-1910](#)^[#45], død [17/5-1951](#), gravl. Vestre Gravlund 25/6 s.å. Familien var i [FT1910](#) busett i Camilla Collets vei 10. **Jan** ^{II} f 23/11-1911, dpt Uranienborg [28/4-1912](#)^[#16] – ein GENIprofil opplyser at han døydde [28/8-2000](#). **Kjell** ^{II} f 4/5-,dpt [Frogner krk. 30/8-1914](#)^[#68], minnetavle [Akershus festning](#). Slektsboka og [Setesdalswiki](#) nemner og ei dotter, **Åse** ^{II}f 1917.

Karl Johan Sverdrup ^K var ved [FT1910](#) «*Amtsskoleelev*» og budde på Galteland gnr 14/1&7 i Evje herad i Setesdal.Han vart nemnd *ugift kontorist* då han reiser frå Kristiansand [5/4-1907](#) med [Cunard Line](#) og hadde reisemål U.S.A. – Det er truleg han som i [USCensus1940](#) var 56 år, skild og budde i Spokane City, WA. Eg finn han sidan hjå Findagrave, [død 1973](#), gravlagd på Fairmount Memorial Park, [Spokane County](#), Washington. Sjå også [Setesdalswiki](#).



Georg Peter Kristian Sverdrup ^I vart skriven «*Kontorist*» då han gifta seg i Valle [4/3-1907](#)^[#3] med «*hjemmev. gmdtr*» **Anne Olavsdr.**, dotter til **Olav Knutson** og **Gunild Olsdr.**, f [Rysstad 8/11-](#), dpt Hylestad krk. [26/12-1884](#)^[#14], konf Hylestad krk. [16/4-1899](#)^[#10]. Dei fekk [8/3-1907](#)^[#6] utflyttingsattester med reisemål Amerika. Dei reiste frå Kristiansand same dag ([Georg](#), [Anne](#)). Sjå og [Setesdalswiki](#).

Eg vil tru det er **Anne** og **Georg** ^I vi finn i [Census 1910](#), busett i Aneta Twp, [Nelson County](#) i Nord Dakota. Dei hadde då dottera **Louise** ^If 1909. Ti år seinare, [Census1920](#), budde dei i Amundville, [McLean County](#) i Nord Dakota. Barneflokken hadde no auka med **Olaf S** ^{L2}, 8 år og **Gunnar** ^{L3} 5 år. Bustaden vart skriven [Amundville](#) ved [Census1930](#). Sonen **Otto S** ^{L4}, 8 år gamal og døtrene **Anna S** ^{L5}, 5 år og **Solveig S** ^{L6}, 3 år er komne til verda sidan siste teljing. [Census1940](#) syner at famlilen framleis held til i Amundville Twp. , men **Solveig S** ^{L6} vart ikkje nemnd i teljinga.

Anne Lund [døydde i 1941](#) og **Geo. S. Lund** [døydde i 1969](#). Dei vart iflg Findagrave gravlagde på Lucky Mound Lutheran Cemetery i McLean Co. Her finn vi og **Olaf S Lund** ^{L2} [død 1993](#), **Otto S Lund** ^{L4} død [3/6-1995](#), gravl. Sunset Memorial Gardens, [Minot, Ward Co](#), ND.

Som nemnt i starten av stubben er det mykje meir opplysningar om generasjonane nærare vår tid å finne [i slektsheftet](#).



Frå Setesdal – Foto OHF - 2. juni 2004

Til sist kan nemnast at **Tore**, bror til Ole er hovedpreson i stubben «*Seminaristen frå Aurdal gifta seg i Hof krk. i Solør*» og syster deira, **Ragnhild**, finn de meir om i stubben «*Ragnhild vart gardkjæring på Østigard Skøyen*».

Lærer/kyrkjesongar - og gardbrukar på Groven i Nore

deretter

Lærer og klokkar på Hisøy ved Arendal

Det kom eit gutebarn til verda på [Håé](#) (*Haadem*) 20/5-1845. Han var den åttande av ni sysken og den yngste sonen av dei seks gutane i ungeflokken. Foreldre var **Anne Henriksdotter** og **Lage Ivarson**. Guten fekk i Aurdal kyrkje [15/6-1845\[#27\]](#) namnet **Knut**. Her skal eg legge til at **Knut** fekk ei yngre syster, **Anne**, ho vart ei av mine fire oldemødre. Lat meg og ta med at huset der **Anne Henriksdotter** vart fødd – no står på Valdres Folkemuseum. **Knut** er den «næraste» slektingen eg skriv stubb om !



Brennstogo – bygd kring midten av 1700-talet - Foto OHF 6. mai 2003.

Knut Lageson Haadem vart konfirmert i [Svenes kyrkje 24/6-1860\[#1\]](#). Ved [FT1865](#) var han «dobbelbooka» - som son på Braatene ([Brøto](#)) i Åbjør og som «[Elev ved Seminariet](#)» i [Asker](#). Teljinga syner to andre seminarelevar frå Valdres, [Erik Olsen Onstad](#), 21 år og [Knut Pedersen Berg](#), 19 år – bår frå Nord-Aurdal. Veslebror til Knut Pederson Berg, Engebret Pederson gifta seg med Anne, veslesyster til Knut Lageson, og vart såleis ein av oldefedrene til stubbskrivaren.

[11/4-1870\[#6\]](#) finn vi «*Ungkarl, kirkesanger og skolelærer*» **Knut Lageson Haadem** som brudgom i [Nore stavkyrkje](#). Brura var *Pige Sigrid Engebretsdtr Rustand*, dotter til [Engebret Ellingson](#) og [Kari Sebjørnsdtr Rustand](#), f 23/2-, dpt Nore [16/3-1850\[#31\]](#), konf Nore [21/8-1864\[#2\]](#). [FT1865](#) syner familien busett på [Rustan](#) ([Raustaa](#)) løpenr 228 i Nore prgj. **Knut Lageson** var [klokkar i Nore](#) i åra 1868-1878. [20/6-1870](#) finn vi at **Knut Lageson Haadem** kjøpte garden [Øvre Groven](#), løpenr 273^b, gnr 185/2 av svigerfaren Engebret Ellingson – med [skjøte datert og tinglyst 20/6-1870](#). Panteregisteret syner at Engebret Ellingson hadde kjøpt Groven av Ole Kittelson med [skjøte dat 16/2-, tgl 23/6-1941](#).



Utsikta sørover frå Grovengardane – Foto OHF 19. april 2003.

Sigrd Engebretsdtr og **Knut Lageson** vart foreldre til døtrene **Kari Anette** ^A f 22/5-, dpt [5/6-1870](#)^[#12], **Anne Marie** ^B f 19/1-, dpt [18/2-1872](#)^[#4] og **Aashild** ^C f 9/1-, dpt [8/2-1874](#)^[#5]. - Så slær døden ned i familien – «*Kirkesanger Haadems Hustru Sigrd Engebretsdtr Groven*» døydde [23/6 1875](#)^[#14] og vart gravlagd ved Nore stavkyrkje 9/7 s.å.



Dette var det fyrste biletet stubbskrivaren tok i samband med slektsleiting – 19. april 2003.

Folketeljinga [1875 for Groven løpenr 273](#) i Nore, Uvdal og Dagali i Nore syner **Knut Lageson** saman med dei tre døtrene samt budeia Jørand Olsdtr, tenestejenta Kari Engebretsdtr, tidlegare sambygding med Knut Lageson samt dei «*Tilrejsende*» føderaadsmand og [Bibelbud Lars Paalgaarden](#) frå Hol prgj f 1804 og *tilrejsende føderaadsmand* [Ole Nilsen Næset](#) f 1804 frå Rollag prgj. – Attåt desse har husmannsenkja [Sigrid Halvarsdtr](#) f 1822 med fem born samt ein legdekall, *bortsatt af Fattigvæsenet*, tilhald på Bringerpladsen.

«[Bygdehistorie for Nore og Uvdal band 2](#)» fortel at **Knut Lageson** var klokkar i Nore frå 1868 til 1878. Det er og fortalt at «[Klokkar Haadem](#) og ein forretningsmann frå Kongsberg stod for arrangementet fyrste gong Grunnlovsdagen, [17. mai 1869, vart feira i Nore](#). – «*Presten meinte at det var upassande for ein klokkar å stelle med slikt*». [Klokkar Haadem](#) dreiv skule for «*konfirmerte elevar*» på [Guterudodden](#) i Nore [frå 1876](#).



Ved Nore stavkyrkje – 19. april 2003. Foto: OHF

Når vi treffer **Knut Lageson** neste gong – då har han flytta seg ned til Østfold og Fredrikstad. Men kyrkjeboka der vi finn han, ho høyrer til [Åmot prgj](#) i Sør-Østerdal. - [27/5-1881](#)^[#9] vart enkjemann, *skolebestyrer* **Knud Lagesen Haadem**, bustad Fredrikstad, gift med *pige* **Helma Johanne Pedersdtr Løken**. Ho var fødd på [Berger nedstu](#) i Åmot prgj. 12/5-, dpt Åmot [25/5-1856](#)^[#8]. Foreldra hennar var [Peder Pedersen Løken](#) frå [Elverum](#) og Helena Marthea Jonsdtr. - Knut selde garden Groven i Nore [2/3-1883](#) ved fullmelktig Gudbrand Olsen Loftsgaarden. Kjøpar var Knud Larsen.

Helma Johanne og **Knut Lageson** vart noterte med bustadadresse [Brochsgade](#) i Fredrikstad då sonen **Peder Løken** ^D f 7/3-, fekk namnet sitt, [12/11-1882](#)^[#114] i [Vestre Fredrikstad krk](#). Han vart konfirmert i Hisøy krk. [3/10-1897](#)^[#1]. Dei fire neste borna vart fødte i Arendal: **Lage Løken** ^E var f 2/12-1884, dpt [1/1/1885](#)^[#2], konf Hisøy [30/9-1900](#)^[#2]. **Karl Martinus Løken** ^F f 16/4-, dpt [22/5-1887](#)^[#27], konf Hisøy [5/10-1902](#)^[#4]. **Henrik Løken** ^G f 4/6-, dpt [4/8-1889](#)^[#40], konf Hisøy [2/10-1904](#)^[#4]. tvilling-systema **Helene Marthea** ^H f 4/6-, dpt [4/8-1889](#)^[#26], konf [2/10-1904](#)^[#1]. Dei siste seks borna vart fødte i Hisøy: nok eit tvillingpar; **Knut Løken** ^I f 21/9-, dpt [26/10-1890](#)^[#33], konf [2/10-1904](#)^[#5] og **Helma Johanne Løken** ^K f 21/9- dpt [26/10-1890](#)^[#28], konf [2/10-1904](#)^[#2]. **Anna Katrine Løken** ^L f 31/12-1891 dpt [24/1-1882](#)^[#5], konf [4/10-1908](#)^[#18]. **Sigrd Løken** ^M f 10/3-, dpt [21/4-1895](#)^[#16], konf [1/10-1911](#)^[#26]. **Ingrid Løken** ^O f 30/10-, dpt [20/12-1896](#)^[#26], konf [5/10-1913](#)^[#27]. **Ivar Løken** ^P f 4/12-1899, dpt [14/1-1900](#)^[#1].

Familien budde ved [FT1885](#) i [Blødekjær](#) løpenr 141e, Arendal kjøpstad. [FT1891](#)^[#39] syner at dei var komne til [His skole](#), Hisøy. [Husliste](#) – Personsedlar [f.o.m.](#) – [t.o.m.](#) Dei hadde i [FT1900](#) adresse His, skoletomt gnr 5/27 i His herad og ved [FT1910](#) His gnr 5/27, Hisø herad. **Knut** er nemnd på [side 96](#) i boka «*Hisøy skoler: en oversikt over utviklingen fra 1786 til 1954*»



Ved Hisøy krk – 24. juni 2004 - Foto OHF

«*Gift, fhv kirkesanger Knut Haadem*» døydde på Tangen [16/7-1929](#)^[#11], gravl 19/7 s.å. **Helma Johanne Haadem** døydde iflg DISgravminner i [1943](#). Ektefolka kviler på Hisøy kyrkjegard.



Detaljer frå plata på gravstaden ved Hisøy krk.

Då får vi sjå nærare på døtrene frå fyrste ekteskapet hans **Knut**. **Kari Anette** ^A vart konfirmert i [Arendal krk. 2/5-1886](#)^[#2]. Ved [FT1900](#) var ho truleg registrert busett på *Lunds pensjonat* gnr 47/2 på Voss, fødd 1874 i Arendal og arbeidde som «*Lærerinde ved middelskolen*». Vossaboki fortel på [side 228](#) at *Victor Albert Lund* dreiv pensjonat på Lekve frå 1897.

[FT1910](#) syner at **Kari Anette** ^A då var gift med **Tormod Olsen Tendeland** – dei budde då i Badehusgaten 77 i Drøbak. Nettsida «[Brynjulf Langballes Family Tree](#)» fortel at dei gifta seg i Kristiania 15/6-1901, men eg har ikkje greidd å finne ekteskapet i kyrkjebøkene for «Oslo fylke». **Tormod Olsen Tendeland** var f på [Ternaland i Nedstrand \(Rygh\)](#), Ryfylke 23/3-, dpt [Hinderå krk. 30/5-1867](#)^[#22], konf [Nedstrand \(Hinderå\) 2/10-1881](#)^[#5], son til Ole Pederson og Elen Sofie Tormodsdtr. Ved [FT1875](#) var han busett på Tendeland løpenr 56 i Nedstrand prgj, [FT1900](#) plasserer han på Saueteigen gnr 48/23 i Voss herad. Han er då «*Lærer ved middelskole*»

Kari Anette ^A og **Tormod** hadde borna **Sigrid** ^{A1} f 8/10-1902. **Olav** ^{A2} f 29/6-, dpt [Drøbak krk. 28/8-1904](#)^[#21], konf Drøbak [1/12-1918](#)^[#20]. **Ellen Sofie** ^{A3} f 28/12-1906, dpt Drøbak [1/4-1907](#)^[#6] og **Knut** ^{A4} f 24/1-, dpt Drøbak [22/5-1910](#)^[#7].

Kari Anette ^A **Tendeland**, kona til *skolebestyrer Thormod Tendeland*, døydde på Rabben i Frogn [22/11-1922](#)^[#14] og vart gravlagd 29/11 s.å. - Eg vil tru det er ektemannen, **Thormod Tendeland**, som iflg DISgravminner vart gravlagd på Vestre gravlund, Oslo [30/10-1930](#).

Sigrid ^{A1} vart gift i [Østre Aker krk. 11/12-1926](#)^[#74] med **Wilhelm Olaf Moberg**, son til **Wilhelm Johan Moberg** og **Olava Gulbrandsen**, f Haakonsgt 22, Kristiania 26/3-, dpt Kampen krk [27/5-1900](#)^[#106], konf [Petrus krk. 10/5-1914](#)^[#111]. Familien budde ved [FT1900](#) på Fagerhøy gnr 137/131 i Østre Aker, dei var å finne i Trondhjemsveien 35 i Kristiania ved [FT1910](#).

Hjå DISgravminner finn vi at **Wilhelm Olav** døydde [21/12-1982](#), gravl 16/6-1983. **Sigrid** ^{A1} døydde [21/3-1994](#) gravl 28/7-1995. Dei kviler på [Vestre gravlund i Oslo](#).

Olav/Olav ^{A2} **Tendeland** er registrert hjå DISgravminner med dødsdato [25/12-1996](#), gravl Vestre gravlund, Oslo 12/6-1997. Ei [nettside for Oppsal idrettsforening](#) fortel at **Olav** ^{A2} var formann i Norges Friidrettsforbund i åra [1946-1948](#). De finn meir informasjon i [Hvem er Hvem 1973, side 556](#). På same gravnummer finn vi kona til **Olav** ^{A2}, **Ester Elisabeth** f 17/11-1906, død [31/7-1995](#), gravl 9/10 s.å. - **Ellen Sofie** ^{A3} kviler og på Vestre gravlund. Ho døydde [28/10-1978](#), gravl 9/8-1979.

På Vestre gravlund finn vi også **Knut**^{A4} **Tendeland**. Han døydde [13/12-1983](#) og vart gravl. 3/7-1984. På same gravnummer finn vi **Ruth Tendeland** f 14/12-1908, død [3/4-2003](#), gravl. 4/8-2003. FT1910 syner fire jenter med førenamn **Ruth** fødde [14/12-1908](#). men eit Googlesøk fann ei side frå Dagbladet laurdag 18. juli 1936; «[Ruth Foss Lyngdal](#)». Ho var fødd i Fjære ved Grimstad, døypt [Fjære krk. 3/1-1909\[#1\]](#), dotter til «[Skibsf](#)» [Isak Foss](#) og [Gunhild Kristine](#) (Tellefsen). Ved [FT1910](#) budde ho på [Berge ytre](#) gnr 168/1&2 i Aa teljkrins i Lyngdal herad.



4. juli 2003 hadde eg ein tur i nærområdet saman med ein kar som var inngift med etterslekt av Knut Lageson. Ein del av grunnmaterialet for denne stubben er det denne karen som har samla inn og systematisert.

Anne Marie^B finn eg ved [FT1900](#) busett på Telegrafstation(Sverresberg), Bø i Vesterålen. Der var ho guvernante hjå telegrafstyrar [Sverre Munthe-Kaas](#) og kona Valborg. Dei hadde to søner og ei pleiedotter. - [FT1910](#) fortel at **Anne Marie**^B då budde på Brønløkken i Bydalen, Glemminge, hjå veslesystera **Aashild**^C og familien hennar. **Anne Marie**^B døydde [1/10-1963](#) gravlagd på [Leie gravlund](#) i Fredrikstad 22/10 s.å.

Aashild^C var ved [FT1900](#) «[Selskapsdame](#) Frk» hjå Bryggeribestyrer [Carl Johan Kjøning](#) og familien hans. Mellom 1900 og 1910 har nok bryggeriet fått ein ny «[kontorfuldmæktig](#)», **Karl Viktor Eriksen**, - som nok har «[hatt auga for](#)» selskapsdama til sjefen. **Karl Viktor** var f i Idd 23/8-, dpt i [Idd krk. 24/9-1876\[#72\]](#), konf [Vestre Fredrikstad krk. 5/10-1890\[#42\]](#). Han budde då i [Glemmingegaden](#). Ved [FT1900](#) var han «[Bogholder og Kasserer ved Bryggeri](#)» og bur i [Seierstengade](#) 483a i Fredrikstad Kjøpstad. Foreldra hans var gartner [Jonas Eriksen Risum](#) og [Marthine Johnsdtr](#). Han er teken med i «[Merkantilt biografisk leksikon](#)» [side 198](#).

Eg har enno ikkje greidd å finne kvar og når dei gifta seg, men fyrste barnet, **Knut**^{C1}, vart fødd i [Bydalen](#), Glemmen 27/6-, dpt [Glemmen krk. 31/7-1904\[#161\]](#), konf [Vestre Fredrikstad krk. 2/5-1920\[#0\]](#). Han fekk bevilling frå Justisdept. av [13/10-1948](#) til å nytte namnet **Rustan** som [slektsnamn](#). «[Merkantilt biografisk leksikon](#)» [side 198](#). syner at han var disponent i A/S Østlandsk Auto i Sarpsborg.

Sonen **John**^{C2} kom til verda i Bydalen 29/6-, dpt [Glemmen krk. Olsok 29/7-1906\[#130\]](#) og konfirmert V [Fredrikstad krk. 14/5-1922\[#4\]](#) ([Lnk2](#))[#7].

Rolf^{C3} vart f 7/8- på Bryggeriet, dpt [Glemmen krk. 13/9-1908\[#166\]](#), konf V [Fredrikstad krk. 11/5-1924\[#6\]](#). Tilliks med storebror **Knut**^{C1} har han fått bevilling frå Justisdept. av [13/10-1948](#) til å nytte namnet **Rustan** som [slektsnamn](#).

Familien budde ved [FT1910](#) i Brønløkken i Bydalen, gnr 8/7 i [Glemminge](#). **Karl Viktor Eriksen**, døydde [1/5-1951](#), gravl [Leie gravlund](#) 28/3 s.å. **Aashild**^C **Rustan Eriksen** døydde [1/4-1968](#), gravl. [Leie gravlund](#) 5/4 s.å.

Knut^{C1} **Rustan** døydde iflg DISgravminner [22/9-1988](#), gravl [St. Olavs gravlund](#), Sarpsborg 21/10 s.å. Same gravnummer har **Inger Marie Rustan**, død [13/2-1999](#), gravl. 7/6-1999. Dette reknar eg er dotter til grosserar [Adolf Julius Gundersen](#) og [Marie Helene Hansen](#), f 16/7-, dpt [23/10-1910\[#118\]](#), konf V [Fredrikstad krk. 9/5-1926\[#62\]](#).

John Rustan^{C2} **Eriksen** døydde [13/4-1980](#), gravl. [Leie gravlund](#) 30/5 s.å. Han deler grav med **Ingrid Eriksen** f [10/11-1906](#), gravl. 9/2-1990. Mykje tyder på at dette var **Ingrid**, dotter til gartner [Sivert Andreas Heltvedt](#) og [Kristine Barbara Auve](#), dpt V [Fredrikstad 6/1-1907\[#2\]](#). Familien budde ved [FT1910](#) i Harald Haarfagresgt 3 i [Fredrikstad kjøpstad](#).

DISgravminner syner at **Rolf**^{C3} **Rustan** døydde [20/1-1984](#), gravl. [Leie gravlund](#) 21/5 s.å. **Karin Synnøve Rustan** kviler på same gravnummer. Ho var fødd 23/5-1922, døydde [22/11-1999](#), gravl 22/12-1999 på [Leie gravlund](#). Her kviler og ei **Henny Eline Mathisen** f 28/1-, dpt [Hammerfest bysokn 16/8-1908\[#35\]](#), død [29/1-1980](#), gravl. [Leie gravlund](#) 1/2 s.å. Ho var truleg fyrste kona til **Rolf**^{C3}.



Utanfor Høgesyn ser ein ned til Håe – på denne sida av vassdraget. På hi sida ser vi deler av Leira.

Då får vi sjå litt nærare på borna i andre ekteskapet til **Knut Lageson. - Peder Løken** ^D budde ved [FT1900](#) i Pilestrædet 15, Kristiania. Han var då «*Skoleelev, forsørget af Kirkesanger*». Ingeniørmatrikkelen: «*norske sivilingeniører 1901-1955 med tillegg*» syner at **Peder** var maskin**ingeniør** frå [Kristiania Tekniske Skole](#) (KTS) i 1904. Han var ved [FT1910](#) registrert på His, gnr 5/27 i Hisøy herad. Men han var registrert som **emigrant**, utreist frå Arendal med reisemål New York, utreisedato [20/8-1910](#). Hav var ungkar; årsak til å emigrere var: «*For at lære mer*».

Kommunal folketeljing for [Trondheim kjøpstad i 1925](#) syner at ingeniør **Peder Løken Haadem**, kona **Magnhild** f 25/6-1882 i Vinger og dottera **Marthea** ^{DI} f 17/3-1914 i [Worcester](#), USA – budde i [Fæstningsgata 39](#) på Baklandet i Trondheim.

Magnhild Bakke var f på [Åsum i Vinger](#) 25/6-, dpt [20/8-1882](#)^[#37], konfirmert [4/10-1896](#)^[#65], dotter til lærar og gardbr. **Peder Olsen Bakke** (f [274-1846](#)^[112] [Melbostade](#)eige i Gran) gift [28/12-1870](#)^[#20] med **Marthea Torsteinsdtr** (f [22/1-1845](#)^[#58] på [Øyset](#) i Vinger). Sjå Vinger bygdebok 2, [side 141](#). **Magnhild** budde ved [FT1891](#) på [Åsum](#) gnr 34/2,3&4 i Vinger. Ved [FT1900](#) er ho skriven «*Forpagterens datter*» og bur saman med to sysken på [Valler gnr 6/1.2&5](#) i Bærums herad. [FT1910](#) plasserer henne som *Fotograf-assistent*, busett i [Dronningensgate 14](#) i Moss kjøpstad. Ho har nok vorte kjend med **Peder** ^D innan han reiste til Amerika. Utreiseprotokollen fortel at ho var fotograf(*retouchør*) busett i Waldemer Thanes gt. og reiser frå Kristiania [6/6-1913](#) med reisemål New York. Årsak: «*gifte sig*». - [GENIprofil](#) .

Peder Løken ^D **Haadem** vart gravlagd [21/6-1944](#) på [Vestre gravlund](#), Oslo. **Magnhild** døydde [16/5-1977](#), gravl. Vestre gravlund 30/6 s.å.

Marthea ^{DI} **Olsen-Ruud** finn vi hjå [DISgravminner](#) med dødsdato [21/4-2002](#), gravl [Bekkelaget kirkegård](#) 30/5 s.å. – under same gravstein kviler **Erling Olsen Ruud** (7/1-1915 – 1/3-1969), son til **Olaf Hartvig Olsen-Ruud** og **Elise Johanna Rygh.**([GENI profil](#)) ([RootsWeb slektsskog](#))

Lage Løken ^E vart skriven «*priv. mask. til søs*» då han gifta seg i Horten [28/12-1910](#)^[#42] med **Margit Sofie Henriksen**. Ho var dotter til [musikant \(i marinen\)](#) **Henrik Adelef Henriksen** og **Emilie Kristine fødd Eliassen**, f Gamle Horten 11/6-, dpt [1/7-1888](#)^[#51], konf Horten [5/10-1902](#)^[#4]. Ho budde ved [FT1900](#) i Carljohansværn – ved [FT1910](#) var bustad «*Gamle Horten*» [KarlJohansværn](#). Ho budde då hjå farbroren, *staldmester* O E Henriksen og kona Mathilde. - **Lage** ^E døydde på [Jørpeland](#) av influensa [2/2-1920](#)^[#10], gravlagd Horten kyrkjegard [10/2 s.å.](#) [DISgravminner](#) syner at **Margit Sofie** døydde [4/11-1947](#), gravl. Horten.

Margit og **Lage** ^E var foreldre til to døtre, **Elsa** ^{E1} og **Matti** ^{E2}. **Elsa** ^{E1} var f KarlJohansværn 10/9-1910, dpt Horten [26/2-1916](#)^[#14], konf [9/5-1926](#)^[#42], død [19/8-1990](#), gravl Vestre Gravlund, Oslo. **Matti** ^{E2} kom til verda i [Langgaten](#), Horten 13/5-, dpt Horten [20/6-1915](#)^[#62], konf Horten [11/5-1930](#)^[#46], i 1946 busett Underh.v. 11 b⁵, død [17/6-1968](#), gravl Vestre Gravlund, Oslo.



Karl Martinus Løken ^E **Haadem** var [organist i Hisøy krk 1907-1909](#). - [Norges geistlighet](#) .. fortel at han var cand. Theol. frå [Menighetsfakultetet](#) 1914.

Han gifta seg i Tromsø [10/4-1915](#)^[#26] med **Elisabet Hagen**, dotter til ingeniør **Hans Engelhard Hagen** og **Karen Konstance Danielsen**, f Hisøy 30/6-, dpt Arendal [7/8-1892](#)^[#43], konf Hisøy [4/10-1908](#)^[#3].

Karl Martinus var i 1915 stiftskapellan i [Loppa](#) prgj. Han var sokneprest i [Saltdal](#) prgj. 1918-1924. I dei åra kan han gjerne ha møtt folk med Valdresaner.



Foto OHF 24/6-2004

Karl Martinus døydde i Kolbjørnsvik [25/11-1981](#). **Elisabeth** døydde [23/12-1981](#). Dei kviler ved Hisøy kyrkje. Dei hadde m.a. sonen **Finn Hagen Haadem** ^{E1} ([1/4-1916](#) – [9/2-1992](#))

I adressebøker for Oslo finn vi **Henrik Løken** ^G **Haadem**, heile tida tilsett hjå [forsikringselskapet Viking](#), frå 1936 og framover titulert «*avdelingsjef*». Han budde i [1927](#) i Vestheimgate 4, i [1936](#) i Eckersberggt 2, i [1946](#) og i [1955](#) var adressa [T Heftyes gt 54^b](#). - Hjå DISgravminner har **Henrik** ^G dødsdato [24/11-1961](#). Gravferdsdato er 18/5-1962. Med same gravnummer finn vi **Ingrid Haadem** f 30/9-1897, død [9/4-1964](#), gravl 10/6-1964. - Ho ser ut til å vera dotter til *Sergant* [Karl Olsen Sætrang](#) og [Laura Olsen](#), fødd på [Oscarsborg 30/9-1897](#)^[#22], døypt i [Frogn krk](#) (utan notert dato). Familien budde ved [FT1900](#) i [Sørligaden 40](#) i Kristiania, Ti år etter, [FT1910](#), budde dei i [Magnus Bergsgate 6](#) på Frogner. **Ingrid**(Sætrang) var konfirmert [4/5-1913](#)^[#18] i [Frogner krk](#). (Stabsfanejunker [Karl Olsen Sætrang](#) vart tildelt Kongens Fortjenestemedalje [1/7-1927](#)).

Om **Helene Marthea** ^H har eg funne at ho reiste frå Arendal [5/10-1923](#) med reisemål USA.

Vi tek nok ein gong tak i Ingeniørmatrikkelen: «*norske sivilingeniører 1901-1955 med tillegg*». [Her vert det opplyst](#) at **Knut Løken** ^L **Haadem** vart uteksaminert som sivilingeniør (elektro) frå NTH i 1914. Han arbeidde i [Bergens sporvei](#) i åra 1915 – 1959, elektrodriftssjef frå 1954.

Knut vart gift i [Johanneskyrkja](#) i Bergen [23/10-1919](#)^[#101] med **Gunda Elisa Helland**, dotter til rørlegger [Ole Bertanus Helland](#) og [Gurine Eriksdtr Rønning](#), f [Kirkegade 48](#) i Trondheim 6/3-, dpt [Bakklandet krk. 22/5-1893](#)^[#108], konfirmert [Bakklandet 6/10-1907](#)^[#24]. Ho var å finne i nedre [Møllenberggate 62](#) ved [FT1900](#) og i Kirkegaten 38 ved [FT1910](#).

Gunda Elisa og **Knut** ^L budde i [Konsul børs gt 25](#) på Møllenpris då dei vart foreldre til **Else Gunvor** ^H f 9/2-, dpt Johanneskrk. [19/4-1925](#)^[#17]. - Her er eit par avisklipp frå nettet som fortel om henne som musikal: [Klipp1](#) - [Klipp2](#)



Her ser vi Torgalmenningen med **Johanneskyrkja** i bakgrunnen - Foto OHF 15/1-2014

Helma Johanne Løken ^K vart notert med adresse [Kronprinsens gate 10^B](#) då ho døydd på [Lovisenberg sjukehus 16/11-1918](#)^[#67]. Ho var «*ugift, kontordame*». Dødsårsak vart notert som «*Pneumonia*(influenza) – sist på året 1918 var det vel «*Spanska*» som kravde mange liv. **Helma Johanne** vart gravlagd på Vestre gravlund 20/11-1918.

Anna Katrine Løken ^L gifta seg i Hisøy krk [10/8-1912](#)^[#4] med **Peter Andreas Dannevig**. Han var fødd på [Nørholmen](#) i Grimstad 26/2-, dpt i [Eide krk.](#) i Grimstad prgj. [30/3-1879](#)^[#6] og konfirmert i [Grimstad krk. 9/4-1893](#)^[#7]. Foreldra var [Thor Christofferson](#) og [Anna Nillevine Petersdtr.](#) [Thor](#) finn vi ved [FT1865](#) som *styrman*. Faren, [Christoffer](#), vart skriven «*Fast Lots Gaardbr*».

Vi finn **Peter Andreas Dannevig** i [FT1900](#) busett på Sommerfryd gnr 206ak i Drammen kjøpstad. Han var då «*Ingeniør(Amtets veivæsen)*». [FT1910](#) syner at han då budde på His gnr 5/102 i Hisøy herad. Det er vel kring denne tid han vert kjend med **Anna Kathrine**.

Hjå DISgravminner er **Peter Andreas** registrert med dødsdato [10/12-1958](#), gravl [Ultern kirkegård](#), Oslo 11/5-1960. **Anna Katrine** ^L døydd [7/3-1977](#), gravl 22/6 s.å.

Anna Katrine ^{L1} og **Peter Andreas** var foreldre til: **Thor** ^{L1} f 16/4-, dpt Hisøy [3/8-1913](#)[#4]. Han var [siv.ing bygningsfag frå NTH 1936](#) iflg Ingeniørmatrikkelen. DIS-gravminner fortel at han døydde [20/4-1994](#) og vart gravl på Ullern kirkegård 16/9 s.å.

Hilma Johanne ^{L2} f [Sandvigen](#) f 15/2-, dpt Hisøy [28/3-1915](#)[3]. Ho gifta seg i Moss landsokn [21/11-1936](#)[#38] med **Hans Breien**, son til *middelskolebestyrer Abraham Broch Hesselberg Breien* ([20/8-1862](#)[#65] – 1916) og *Hjørdis f Staff*, f 20/6-, dpt [Nordstrand krk. 4/10-1908](#)[#45]. Han var [siv.ing. i kjemi frå NTH i 1930](#). Ved [FT1910](#) var han busett med foreldre og sysken på Solheim gnr 182/77 i Aker herad. **Hans Breien** døydde [30/9-1978](#) og **Hilma Johanne** ^{L2} døydde [20/8-1992](#), gravl 18/9 s.å. Dei kviler på [Ullern kirkegård](#) i Oslo.

Kristoffer ^{L3} **Dannevig** vart f i [Hafrsfjordgate 12](#) i Stavanger 8/2, dpt i [St. Petri krk.](#), Stavanger [14/4-1918](#)[#41]. Han var, som storebroren, [siv.ing. i bygningsfag frå NTH](#). (1943) – Han døydde 23/8-2016 og Aftenposten hadde ein [nekrolog 29/8 s.å.](#) Organisasjonen [ASANOR har og minneord på nett](#).

Anna Nelveine ^{L4}, var [oppattkalla etter farmora](#). Ho kom til verda i Stavanger, Hafrsfjordgate 12^a 6/4-, dpt St. Petri [13/6-1920](#)[#0]. Vi finn henne hjå DISgravminner med dødsdato [12/9-2010](#), gravlagd på [Haslum kirkegård](#) 21/10 s.å. På same gravnummer kviler **Wilhelm Theodor Straube**, eg reknar med at han er ektemannen hennar. Han var fødd 14/4-1906 og døydde [21/9-2000](#), gravl 12/10 s.å. på Haslum kirkegård. Eit Googlesøk gjev meg ein [GENIprofil](#) med eit hint om at han var fødd i Baltimore, Maryland, USA. US [Census1910](#) syner at guten har foreldre som var fødde i Noreg.

Ingrid Løken ^{L5} kom til verda i Hafrsfjordgate 12^a i Stavanger 4/4-, døypt [21/5-1922](#)[#46] i St. Petri krk. DISgravminner fortel at ho døydde [12/4-2000](#), gravl 24/5 s.å. på Ullern kirkegård.

Sigrid Løken ^M døydde av Tuberkulose på Hisøy [3/7-1922](#)[#10], gravlagd ved Hisøy krk. 8/7 s.å. Ho var då ugift – og *kontordame ved forsikringskontor*.

Ingrid Løken ^O var også ute for Tuberkelmitte. Ho vart skriven *ugift Telegrafistinde* i samband med dødsfall [18/1-1922](#)[#1]. Ho vart gravlagd og jordfesta på Hisøy kyrkjegard 24/1 1922.

Ivar Løken ^P døydde i [1980](#) og er gravlagd ved Hisøy krk. Han er nemnt på [nettsida til Jevnaker Rotaryklubb](#) som ein av skiparane. Hjå «Digitalmuseum» er han nemnt som gjevar av ein [Kep](#) til Glomdalsmuseet. Det var mor til **Ivar**, [Hilma Johanne Løken](#), som hadde arva kepen etter si mor i Åmot.



Namneplata på familiegrava ved Hisøy krk.

Vest Agder fylke (Lister og Mandals amt)



FT1865	FT1875	FT1885	FT1900	FT1910	Giftarmål	Døde
7	4	5	16	10	1	13

Persinar frå Valdres funne i Vest-Agder

Jarnveg- og vegbygger på Vest- og Sørland

Men læretida hadde Slidringen i Tonsåsé

På «Bjørgum» lno 284 i Nord-Aurdal finn ein ved [FT 1865](#) 4 hushald. Av desse er det 2 familiar som har med vegarbeid i Tonsåsen å gjera. *Julius Petersen* frå Asker er «*Opsysnmand*» medan *Andreas Larsen* frå Høland er «*Kjører ved veiarbeidet*». Karen vi skal sjå nærare på i denne stubben er «*Veiarbeider*» og er skreven **Ole Olsen**. Han er då ugift, 25 år gamal og fødd i Vestre Slidre.

Ola vart nok fødd på [Hamreeige](#) i Slidre 1. februar- og [dpt 16. februar 1816](#)^[#8]. Han var son til *Ola Jakobson (1804–1884)* og *Ingebjørg Nilsdotter (1805–1883)*. «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*» fortel at *Ola Jakobson* Dokken budde på plassen [Hamrisbrøto](#), seinare skyldsett som [Brattli gnr 58/8](#). Ved teljing 1865 finn vi dei som husmannsfolk på *Braatene* saman med dei to yngste borna.

Ola Olson vart konfirmert i Vestre Slidre prgj. [17. juni 1855](#)^[#28]. Neste gong eg treffer på han er han brudgom i [Birkeland kyrkje](#) i Fana prgj. Bryllaupsdagen er [22. mai 1878](#)^[#5], og i kyrkjeboka er han skriven «*Jernbanearbeider*». [Nettsida om Bergensbanen](#) fortel at *Vossabanen* (Voss-Bergen) opna i 1883, så det er vel der Ola har arbeid.

Brura heiter **Synnøve Karine Sørensdtr.** Ho var f 20. april- på [Grimen](#) og [dpt 29. april 1855](#)^[#36] i [Fana kyrkje](#). Foreldra er *Søren Sørensen* og *Olina Nilsdtr.* Vi finn denne familien på garden Grimen ved [teljing 1865](#).

Synnøve og **Ola** vert foreldre to månader etter bryllaupet. **Ingeborg Olivia**^{H1} får namn i Birkeland kyrkje [18. august 1878](#)^[15]. Ho kom til verda 22. juli s.å. – Neste gong vi treffer familien har dei teke ei lang reise sørover langs kysten. Sonen **Ole Johan**, f 23. mars-, vert døypt i [Nes krk.](#) i [Flekkefjord 9. april 1882](#)^[#28]. **Sofie Kristine**^{H3} f 1. mai-, dpt i Nes krk. [18. mai 1884](#)^[#28].

Innan [teljing 1885](#) har familien nok eingong flytta på seg. No er dei registrerte på [øvre Færgestad](#) i Rode 18 i Kristiansand kjøpstad. Sonen **Oskar Severin** vert f i Oddernes 22. november- og døypt i Kristiansand [12. desember 1886](#)^[utan nr.]. Då sonen **Johannes Juhl** får namn, i Lyngdal [8. februar 1891](#)^[#9], fortel kyrkjeboka at han vart fødd på [Dybvig i Lyngdal](#) 20. desember 1880. Familien er attende i Oddernes/Kristiansand når minsteguten, **Selmer**, vert f 18. juli 1896.

«*Stenarbeider*» **Ola O Hamre** døyr på Frydenlund i Kristiansand [22. april 1900](#)^[#13] av «*Mavebetend*». Han vert lagt til kvile ved [Oddernes kyrkje](#) 27. april s.å. - Strømme nr. 43/55 i [Oddernes](#) er adressa familien har ved [teljinga i 1900](#)^[#012-017]. [Ti år seinare](#) finn vi **Synnøve** og sønene **Ole**, **Jul** (*Johannes Juhl*) og **Selmer** i [Dronningens gate 72](#) i Kristiansand kjøpstad. Dei bur hjå dottera(/systema) **Sofie Kristine**^{H3} og mannen hennar, musikkorporal **Carl Jørgensen**.

Det syner seg at båe døtrene til **Synnøve** og **Ole** gifta seg i 1903. Fyrst ute var storesyster **Ingeborg Olivia**^{H1}. Ho gifta seg i Kristiansand [22. februar](#)^[#10] med «*slagtersvend*» **Axel Hjemdal**. Han var f i Kristiansand 5. januar-, [dpt 25. januar](#)^[#23] s.å. og konf [1. april 1894](#)^[#27]. Foreldra heitte *Tønnes* og *Birgitte*. **Ingeborg Olivia** og **Axel** får desse borna: **Tønnes Johan**^{H11} f 25/6-, [dpt 23/8-1903](#)^[#138], [konf 7/10-1917](#)^[#4]. **Synnøve**^{H12} f 2/11, [dpt 26/12-1904](#)^[#179], [konf 12/10-1919](#)^[#6]. **Finn**^{H13} f 2/11-, [dpt 26/12-1906](#)^[#193], [konf 25/9-1921](#)^[#2]. **Judit Bergitte**^{H14} f 27/12-1908, [dpt 7/2-1909](#)^[#12], [konf 26/8-1923](#) [#16]. **Margit**^{H15} f 28/2-, [dpt 17/4-1911](#)^[#47] og **Ole Kristian**^{H16} f 19/2-, [dpt 24/3-1913](#)^[#36]. Ved [teljinga i 1910](#) bur familien i Kristiansand, på Landafdelingen 643b, Artillerivolden. Dei flytter til Oddernes før 1917.

Bryllaupet til **Sofie Kristine** og **Karl Oskar Jørgensen** er i Kristiansand [30. april 1903](#)^[#27]. Han er f i Kristiansand 27/8-, [dpt 12/9-1880](#)^[266]. Foreldre er *snedker Ole A Jørgensen* og *Elen Birgitte*. **Sofie** og **Karl** vert foreldre til: **Elfrida Synnøve**^{H21} f 29/11-, [dpt 26/12-1903](#)^[#181]. **Karla Sofie**^{H22} f 11/9-, [dpt 8/10-1905](#)^[#145], [konf 9/5-1920](#)^[#42]. **Odd Birger**^{H23} f 30/8-, [dpt 13/9-1907](#)^[#166]. **Rolf Hamre**^{H24} f 28/10-, [dpt 5/12-1909](#)^[#167] og **Ruth**^{H25} f 10/12-, [dpt 31/12-1911](#)^[#169]. Som før nemnt bur familien i [1910](#) i Dronningens gt. 72 i Kristiansand.


Frå DIS-Gravminner finn eg dette: **Synnøve Karine Hamre** f 1855 [døyr 22. desember 1941](#) og er gravl. på Kristiansand gravlund. **Johannes Jul Hamre** [døyr i 1947](#) og er gravl. på Lund gravpl., Kristiansand. – **Margit Hjemdal**^{H15} [døyr 22. mars 1992](#), gravl på Kristiansand gravlund. Ho er gravl. saman med **Finn Lohne** ([4/10-1911](#)^[#146] – 28/8-1981). Musikkloytnant **Odd Birger Jørgensen**^{H23} [døydde 21/6-](#) og er gravl. 24/6-1954 på Kristiansand gravlund saman med **Solveig Augusta Andersen** ([21/1-1911](#)^[#16] – 2/7-1984).

Stentrykker ([Litograf](#)) med bustad i Mandal

[19. november 1853](#) var det messe i [Svenes kyrkje](#). Heile åtte born vart døypte denne dagen, fem gutar og tre jenter. To av gutane er tvillingar, sønene til ungkar [Anders Haraldsen Strandeie](#) og pige [Maren Oline Arnesd af Ringerige](#). Gutane var fødte 19. oktober. Dei fekk namna **Harald**[\[#30\]](#) og **Helge**[\[#31\]](#). Dei er nemnde på side 341 i Valdres Bygdebok «*Gard og bygd i NordAurdal*» band D, utgjeve 2015.

[Anders Haraldson](#) vart [26/2-1850](#)[\[#18\]](#) innført som innflytta i [Garnisonsmenigheten i Kristiania](#). «*Opgiven Hensigt med Indflytningen*» var «*Militærtjeneste*». Det var vel i Kristiania han vart kjend med [Maren Arnesdtr](#). Dei gifta seg i [Domkyrkja](#) i Kristiania [26/2-1855](#)[\[#188\]](#) med forlovarar *skomagersvend* D Andersen og *tømmermand* H Christoffersen. [FT1865](#) syner at dei då budde i [Akersgaden 14](#) og hadde fire born; jentene [Marie Albertine](#) og [Lovise Amalie](#) og dei to før nemnde tvillinggutane. [Maren Oline Arnesdtr](#) var dotter til [strandsitjar](#) og [sundmand](#) [Arne Jacobson Western](#)eige og [Anne Christensdtr](#), f 4/10- og dpt i Norderhov prgj. [26/12-1827](#)[\[#8\]](#). - [Anders Haraldsen](#) vart i 1884 skriven «*Skibstømmermand*».

Eg reknar med det er **Helge Haraldsen** vi finn ved [FT1900](#) busett i [Motzfeldts gt 8c](#) i Kristiania. [FT1910](#) for Kristiania syner **Helge** og familien hans i Lakkegaten 30.



De kan finne ein [filmsnutt på YouTube](#) om «Steintrykk».

Men i denne stubben vert det **Harald Haraldson** vi skal prøve å slå lag med vidare. Han vart konfirmert i [Grønland krk.](#), Kristiania [4/4-1869](#)[\[#31\]](#). Han vart skriven *Stentrykker* og budde i [Øvre gade 2b](#) då han gifta seg [2/6-1884](#)[\[#33\]](#) i [Jakobs krk.](#) i Kristiania med **Karoline Marie Halvorsen**. Ho var dotter til matros [Georg Halvorsen](#) og [Johanne Osmundsdr](#), fødd i Kristiansand 2/2-, dpt [9/3-1853](#)[\[#49\]](#), konfirmert [24/4-1870](#)[\[#37\]](#). Bryllaupsinnførsla fortel at ho i juni 1884 budde i [Møllergaden 32](#).

Nedre Hammersborgs gade 4 var adressa til **Harald** og **Karoline Marie** ved [FT1885](#). Teljaren har vel ikkje vore stø, korkje i rettskriving eller skjønnskrift, om ein skal tolka avskrifta hjå Digitalarkivet. Dottera **Magnhild Johanne Alfild** [A](#) var fødd 24/8-, dpt [Paulus krk.](#) [28/9-1884](#)[\[#200\]](#), konf Mandal [9/4-1899](#)[\[#27\]](#). Ekteskapet til **Harald** og **Karoline Marie** vart stuttvarig. Kone **Karoline Haraldsen**, [Torvald Meyers gade 47](#) døydde [25/4-1888](#)[\[#56\]](#), gravl 2/5 s.å frå Paulus kyrkje. Dødsårsak er notert som «*Morbus Brighti med apoplexi ceribri*».

Vi treffer atter på *stentrykker* **Harald Haraldson** som brudgom, ekteskapet vart stifta i [Trefoldighets krk.](#), Kraa. [20/1-1889](#)[\[#8\]](#). Denne gongen har han også funne seg ektefelle fødd i Kristiansand, så han har nok lært seg å setje pris på «*blaude*» konsonantar. Brura heitte **Sina Gunvilde Sørensen**. Ho var dotter til pige [Johanne Marie Jacobsdr](#) og ungkar, [musketer](#) [Tønnes Sørensen](#) som gifta seg i Kristiansand [1/6-1860](#)[\[#22\]](#). **Sina Gunvilde** var f 29/11-1859, dpt [8/1-1860](#)[\[#8\]](#) og konfirmert i Mandal [12/4-1874](#)[\[#17\]](#). ...o var ved [FT1865](#) busett saman med foreldra og to brør, [Johan](#) og [Carl Otto](#), i Kleven 27,46 i Mandal. Store Elvegade 1 i Mandal var bustadadressa ved [FT1875](#). – [FT1885](#) fortel at **Sina Gunvilde** då held til i Storgaden 33 i Kristiania ([Tukthuset](#)).

[FT1900](#) syner familien busett i [Kleven 46 i Mandal](#), dei budde på same adresse ved [FT1910](#). **Harald Haraldson** vart i 1900 skriven *Løsarbeider*, i 1910 var han *Bryggearbeider*. Han døydde i ei sprengingsulykke [8/9-1913](#)[\[#23\]](#) – «*Knust av en nedf. Sten under mineringsarbeide*». **Sina Gunvilde** når ein svært høg alder, ho vart **102 år gamal**. DISgravminner syner at ho døydde [30/1-1962](#) og vart gravlagd på Mandal kyrkjegard 3/2 s.å.

Sina Gunvilde og **Harald Haraldson** var foreldre til: **Alfred Marius** [B](#) f Rebslagerv 5b 11/4-, dpt Oslo Domkyrkje [15/6-1890](#)[\[#64\]](#), konf Mandal [10/4-1904](#)[\[#22\]](#). **Johanne Otilie** [C](#) f [St.Halvards gt](#) 61 9/4-, dpt [Gamlebyen krk.](#) Oslo [26/6-1892](#)[\[#109\]](#), konf Mandal [22/4-1906](#)[\[#45\]](#). **Gustav Helmer** [D](#) f 31/7-,

dpt Mandal [23/8-1896](#)^[#39], konf [2/10-1910](#)^[#23]. **Klaus Stefanus** ^E f 15/2-, dpt Mandal [20/3-1898](#)^[#9], konf [12/5-1912](#)^[#12]. **Helga** ^E f 13/1-, dpt Mandal [11/3-1900](#)^[#12], konf [10/5-1914](#)^[#6(25)]. **Jakob Birger** ^G f 6/2-, dpt Mandal [9/3-1902](#)^[#9], konf [5/12-1915](#)^[#17].

Alfred Marius ^B gifta seg i Mandal [20/3-1910](#)^[#3] med **Kaspara Kathinka Kristiansen**, dotter til *pige* **Karoline Johannesdtr** og *ungk, sømand* **Kasper Kristiansen** af Mandal, f 4/3-, dpt i **Valle krk.**, Søndre Undal [20/3-1892](#)^[#13], konf Mandal [22/4/1906](#)^[#31]. Ektefolka budde ved [FT1910](#) i Klevegata 3a i Mandal ladested. Dei fekk dottera **Alfrida Kathrine** ^{Bl} f Kleven 12/8-, dpt Mandal [8/9-1912](#)^[#18].

Helga ^E gifta seg i Mandal [14/8-1920](#)^[#13] med enkjemann, *chauffør* **Leif Emil Kristiansen**, son til **Anton Christensen** og **Laura Jensine f Larsen** – f Østersundgt 22/3-, dpt Bakklandet krk., Trondheim [25/5-1896](#)^[#127]. Han var ved [FT1900](#) busett i Båhusgate 24 og ved [FT1910](#) var adressa Nedre Baklandet 20 i Trondheim kjøpstad. **Leif Emil** og **Helga** ^E vart foreldre til dottera **Gudrun Laurethe** ^{El} f Kleven i Mandal 13/7-, dpt Mandal [22/9-1920](#)^[#18]. (sjå òg [debatt9728 hjå DA](#)) - Vi finn familien i [kommunal teljing1925](#) for Trondheim; busett i Kofotgeilan 9b i Ila, Trondheim kjøpstad. - Frå [ei slektskisse hjå «MyHeritage»](#) var **Gudrun Laurethe** ^{El} gift med **Jakob Østerhus** (f Nordbø 27/8-, dpt [Evje krk.](#) [20/9-1914](#)^[#13]) og dei hadde m.a. sonen **Leif**. (i fleire andre stubbar har eg åtvare mot å ta alle opplysningar frå *GENI* og *MyHeritage* for ‘god fisk’!) – DISgravminner fortel at **Gudrun** ^{El} døydde [31/12-1988](#) medan **Jakob** døydde [15/6-2000](#). Ekteparet er gravlagde på Evje kyrkjegard.

Ei **Helga Knutsen** med oppgjeven fødselsdato 13/1-1900 er hjå DISgravminner registrert død [12/6-2000](#) og gravlagd på [Lund kyrkjegard](#) i Kristiansand 20/10 s.å. Ho er i [ovannemnde slektskisse](#) hjå MyHeritage den same som ‘vår’ Helga ^E ovanfor, men her vert eg usikker.

Når ein nemner feiltolking og «kortslutning i slektsleiting» kan eg vel ta fram spørsmålet frå gruppa «*no.fritid.slektsforskning...*» 2003: «Jeg lurer på om noen tilfeldigvis sitter inne med noen opplysninger om en Harald Haraldsen f. ca 1854 og hans kone Gunnvilde født omtrent samtidig. Vet ikke hvor hun kommer i fra. Er forøvrig mest interessert i deres sønn Helmer f. 1896 som i 1915 giftet seg i Skiptvedt med Ragna Alvilde Bråtnesf.1899.» - **Gustav Helmer** ^B har **aldri** gifta seg med Ragna Bråtnes ! - Men ei Ragna Alvilde Antonsen Braatenæs gifta seg iflg Ministerialboka [1/4-1918](#)^[#7] med Helmer Haraldsen fødd i Lillesand 1899, son til skipsassurandør Harald Isaksen. Men i Lillesand finn eg ingen Helmer Haraldsen og den einaste Haral* Isa* i Agderfylka i 1910 er tre år gamal og bur i Grimstad! Ikkje alt heng på greip!

Jakob Birger ^G gifta seg i Mandal [28/1-1923](#)^[#2] med **Alma Hægblom**. Ho var fødd på [Drange](#) i Heskestad 23/4-, dpt i [Heskestad krk.](#), Lund sokn (Rogaland) [10/8-1902](#)^[#5], konf [Hægebostad krk.](#) [1/10-1916](#)^[#1]. Foreldra hennar var jernbanearbeidar **Albert Ferdinand Hægblom** og **Johanna Torstensdtr**. Eg vil tru at **Albert Ferdinand** var «**Rallar**». Ved [FT1910](#) budde han og familien på Hagen Urestad under gnr 16/3 i Hægebostad herad.

Alma og **Jakob Birger** ^G vart 13/7-1923 foreldre til ein gut. Han fekk i Mandal [19/8-1923](#)^[#28] namnet **Harald Gunvald** ^{Gl}. DISgravminner syner at han døydde [6/5-2005](#). Han vart gravlagd på Mandal kyrkjegard 12/5 s.å.



Postkort frå Mandal

Det stig av hav eit SALVEland

Medan eg har bladd meg gjennom kyrkjebøker i Agderfylka har eg lagt merke til at mannsnamnet **Salve** er mykje brukt i dette området. Frå FT1801, -1865 og -1910 har eg laga ein tabell over kor mange som har namnet Salve – og kvar i landet dei held til.

Fylke / År	1801	1865	1910
Østfold	1	0	1
Akershus	0	2	0
Kraa.	0	5	8
Hedmark	0	2	0
Oppland	0	0	0
Buskerud	0	0	1
Vestfold	3	6	5
Telemark	16	12	13
Aust Agder	190	336	231
Vest Agder	286	345	237
Rogaland	73	106	78
Hordaland	0	0	2
Bergen	5	6	3
Sogn/Fjordane	11	8	1
Møre/Romsdal	3	2	2
S Trøndelag	1	1	1
N Trøndelag	0	0	1
Nordland	0	0	0
Troms	0	1	1
Finnmark	0	0	0
	589	832	585

Hjå «[Namneboka](#)» finn vi: **SALVE** - norsk, frå norrønt *Salvi* eller *Sølvi*, kanskje samansett av 'sal, hus og eit etterledd 'kjempe'. Lite utbreidd, mest på Agder og i Rogaland. Andre former er *Solve*, *Sølv* og *Såve/Såvi* (Agder/Telemark). [Wikipedia](#) nemner at *Salmine* og *Salvine* er kvinneformer av *Salve*.

Norsk Navnebog (Ivar Aasen) syner til *Solve m Hallingdal* og *fl. Nogle steder Sølv*. *Afvigende: Salve, Nedenæs og fl. Hertil ogsaa Saave i Tel.*

«[Gule Sider](#)» synte fram ei liste med apotek og sjukehus når eg skreiv inn *Salve*, men når eg valde «*Personer*» fekk eg i alle fall minst 84 tilslag – med ei stor overvekt av Agder. Det var og ein del i Rogaland men få i Telemark. Hovudstaden hadde i alle fall fire *Salve*-ar.

Det stig av hav eit alveland
 med Tind og Mo;
 det kviler klårt mot himilrand
 i kveldblå ro.

 Men av han døyr, den bleike brand,
 som slokna glod,
 og klårt som fyrr ligg alveland
 i kveldblå ro.

Arne Garborg

Sjå. Agder er eit Salveland
 frå fjell til fjør'
 det lek litt meir i vestleg rand
 hell aust og sør

« Der var en liden by, i byen var en Smed »

Så også i 'vår vesle by', men smeden her - var ikkje 'vred'

Det er bryllaup i [Halse kyrkje ved Mandal 25. september 1832](#)^[#17]. Brudgommen er ein utanbygds kar, med eit målføre langt frå det dei talar nede på den «[blaude kyststribu](#)». Men kjærleikan kjenner inga målføregrensar. Denne dagen er det *Gunhild Torkelsdtr* og *Ole Nilson* frå [Rølland](#) som skal gifte bort dotter si, **Inger Jessine**, med «[smedesvend](#)» **Jon Nilsson** frå «[gaarden Fuglen i Vang præstegjeld i Valdres](#)». (Sjå «[Gardar og Slektar i Vang](#)» [band B, side 339](#))

Jon var [døpt 2. desember 1804](#) ^[Hside, 2.nedanfrå] og [konfirmert i året 1819](#) ^[#9]. Foreldra heitte *Nils Knutson* og *Dordi Andersdtr*. **Jon** melder innflytting til [Garnisonsmenigheten](#) i Kristiania [4. august 1826](#)^[#10^b]. Innførsle fortel: «*Smædedreng hos Smed Colditz på Fæstningen, indflyttet med attest 21.12.1825 fra sognpræst Gamborg til Wang i Walders om at han er døbt 2.12.1804 conf 1819 og Kommunikerede 23.5.1825. Forhold godt*». Fire år seinare, i [desember 1830](#)^[#101] flytter han seg til «[Vor Frelses Menighed](#)». Det ser også ut til at arbeidsgjevaren, smedemester Colditz, har vore på flyttefot. No seier kyrkjeboka: «*Smædedeæng - fra Garnisonsmenigheden, men født i Wang i Valdres. - 'Opholder sig:' hos Smædemester Colditz i Kirkegaden- Attester fra Gamborg af 21 Decbr 1825 og Garnisonspræsten af 5. mai 1830.*»

Neste gong vi treffer **Jon Nilsson** i kyrkjebøkene er ved bryllaupet i Mandal. Brura, **Inger Jessine** var [døpt 26. november 1809](#)^[Vside, 2.ovanfrå] og [konfirmert «Mikkelsmess» 1824](#)^[#13]. [I oktober 1832](#) ^[#11] får ho utflyttingsattest med reisemål «*gaarden Fuglen i Vang præstegjeld i Valdres med sin mand John Nielsen Fuglen*». - Men enten har dei hatt problem med kompasset, eller vorte retningsville på reisa – for neste gong vi treffer dei i kyrkjebøkene, er dei komne til byen hans «[Ola Dekksgutt](#)», [Flekkefjord](#).

[30. juni 1833](#) ^[#31] døyper dei ei dotter som får namnet **Dina Amalie**. Ho var f 18. juni s.å. Sonen **Nils Olaus** kjem til verda på [Lavoll ved Flekkefjord](#) på det som seinare vert «[Kvinnedagen](#)», 8. mars 1835. Han vert [døpt i Nes kyrkje 15. mars s.å.](#)^[#14] og [konfirmert same stad 7. oktober 1849](#)^[#8], Kyrkjeboka fortel òg at **Nils Olaus** får utflyttingsattest til Valdres, dagsett [30. mai 1853](#)^[#17]. Eg har ikkje greidd å finne noko «kontramelding» i Vang, så turen vart kanskje ikkje noko av.

Så kjem dottera **Guriane** f 15/11-1840, [dpt 29/11 s.å.](#)^[# 50]. Sidan ei ny **Guriane** vert f 29. mars, [dpt 17. april 1842](#)^[#36], [konf 12. oktober 1856](#)^[#49], fell det lett å tru at den fyrste jenta døydde, sjølv om eg ikkje finn henne i dødsfallbolken i kyrkjeboka. – Ved denne dåpen er faren, Jon Nilson skriven «*kirketjener*». Ved tidlegare høve har han vore skriven «*Smed*». Sidan *smed Knut Gunsteinson* er nemnd fadder ved fleire høve, er han kanskje [kollegaen](#) til **Jon. Johanne Elisabeth** vert f 15. januar-, [dpt 24. januar 1847](#) ^[#9] og [konfirmert 6. oktober 1861](#)^[#40]. Ved denne dåpen er Jon nemnd «*graver*».

Siste jente ut (ikkje «[siste par ut](#)») er f 25. august-, [dpt 18. november 1849](#)^[#82] og [konfirmert 9. oktober 1864](#)^[#47]. Ho heiter **Karoline**, og er den einaste av borna eg greier å fylje gjennom folketeljningane fram til 1910. Ved [teljinga 1865](#) bur ho og foreldra i *Kildegaden 194* i Flekkefjord.

Smed **Jon Nilson** tek sitt siste andedrag [21. februar 1870](#)^[#7]. Han vert lagt til kvile ved Nes kyrkje(Flekkefjord) 28. februar s.å. – Det er notert i KB: «*født 1802 eller 1803 i Valdres*».

Ved teljingane i [1875](#) og [1885](#) er *Kildegade 194* framleis adresse for enkja **Inger Jessine** og dottera **Karoline**. I [1900](#) og [1910](#) er **Karoline** åleine på eigedomen, skriven «*enslig*» og «*Selveier af Huset*» i 1910. - **Inger Jessine** døydde [14. april 1894](#)^[#7]. Gravferdsdag er ikkje notert.



I Aust-Agder såg vi nærare på [skreddarar frå Valdres](#). Sidan vi her i Vest-Agder har med ein [smed](#) å gjera, kan vi nemne litt om dei som hadde smedyrke for attåt- eller hovudnæring. – I 1801 finn vi desse i Valdres:


Namn	F.år	Stilling og stand	Bustad
Endre Pedersen	1756*	Huusmand med jwrd og smed	Wangs: Bøe Nordre
Guttorm Torstensen	1750*	Husmand med jord og smed	Wangs: Kasa
Ole Thomesen	1779*	Ugivt Smed	Wangs: Berge
Haldor Knudsen	1769*	Inderste Ugivt Gyrtler og smed	Slidre: Løken
Haagen Larssen	1780*	Ugivt Smed	Slidre: Qvul
Daniel Berg	1761*	Inderste <i>sølv</i> smed	Slidre: Kaarstad
Tosten Knudsen	1766*	Ugivt Gyrtler og smed	Slidre: Røyne

Ved teljinga 1865 finn vi 17 karar kringom i landet – spreidde frå Drøbak til Lenvik på Senja – som alle har fortalt teljaren at dei er fødte i Valdres – og har smedyrket som hovud- eller attårnæring. I denne lista finn vi ‘husfader’ **Joen Nilsen**, fødd i ‘Vang i Valdres’ og busett i Flekkefjord.

Namn	Fødd år	Fødestad	Stilling og stand	Bustad
Iver Iversen	1810*	Slidre Prestgjæld	hf g Smedemester	Drøbak: Bjærgene i Øst
Ole Endresen	1818*	Valders	Husfader g Smed	Christiania: Kirkegaden
Gullik Rønjuksen	1826*	Østre Slidre af Valdres	Husf g Leilænding og Smed	Næs: Helsethødegaard
Knud Eriksen	1836*	Valders	Husfader g Smed	Gjøvik: Qvartal No 70
Erik Jensen	1832*	Nordre Aurdal	Husfader g Husmand med Jord Smed	Gran: Steen
Knud Eriksen	1819*	Slidre Prgj.	g Smed eir af Gaarden	Drammen: !!
Ole Christian Im	1850*	Laurdal	ug Smeddrenng	Horten: Nordre Enggade 11
Haavard Knudsen	1804*	Slidre	g Selveier, Smed	Skouger: Svartepladsen/Grønlien
Jacob Børresen	1818*	Laurdal	hf g Smed	Sandehæred: Sjuve*
Joen Nilsen	1803*	Vang i Valdres	hf g Smed	Flekkæfjord: Kildegaden
Anders Olsen	1820*	Vang Valdres	Husf g Smedemester	Bergen Landdistrikt: Rode 2 No 76
Ole Olsen Helle	1842*	Vang i Valdres	u i Smedelære	Bergen: 8-52a
Lars Andersen	1819*	Nordre Aurdahls Valdres	g Smed	Bergen: 18-7a
Ole Pedersen	1829*	Slidre Prgj.	Logerende ug Smed %Skomager%	Vig: Tenol
Amund ndersen	1842*	Aurdal i Valdres	deres Søn ug Smed	Sogndal: Espesæthaugen
Gudbrand Dahle	1813*	Valders Præsteg.	Log. Husfd. g Smed	Borgund: Grimmergaard*
Erik Andersen	1813*	Slidre Prgj.	hf g Husmand med jord, smed	Lenvik: Bundjord*

I 1910 finn vi berre seks karar med smed i yrkesnemninga. Vi er på tur inn i ei tid der mange metalldeleer ein før laga heime, no vert laga i fabrikkar.

Navn	F. dato	Fødestad	Stilling og stand	Bosted
Gulbrand Arnesen	08.04.1836	Valders	hf g Smed ved Fr.stad mek. Værksted	Fredrikstad: Borggaten 12
Lars Arnesen	28.04.1893	Wang Valdres	s ug Smedlærling	Frogn: Kykkelsrud
Jacob Eide	12.05.1895	Valders	ug Smedlærling	Nes (Romerike): Solstad
Ole Olsen	00.09.1838	Valders	hf g Gaardbruger og smed v veiarbeide	Skaanevik: Baugstø STUBB
Ole Borgesen	13.03.1848	Nordre Aurdal Valdris	hf g Grovsmed fattigunderstøt.	Finnaas: Nymark
Tideman Andersen	16.09.1846	Valdres n. Aurdal	hf g Smed S	Vaagan: Svolvær STUBB



Smiebelg (frå: Digitalmuseum.no)

Kor stor del av dei som veks opp i dag har drege smiebelgen, eller teke «gloande jarn» frå smieavlen for så å dengje til det med smiehammaren når ein fekk emnet over på ambolten (Smiostèt) - det finn eg ikkje nokon statistikk om - Men søk på orda øksesmed, knivsmed og ljåsmed gjev treff. Hovslagaren smir heller ikkje hestkosaum lengre ...

Kombinasjonsyrke som «[Smed og tanntrekkjar](#)» er òg historie.

Det er vel heller ikkje mange som spør smeden om å [slå sund nøtter](#) – næringsmiddeltilsynet ville vel heller ikkje sleppe nøtter med «markhol» ut på marknaden ...

Smeden som var «*Meister over alle meistrar*» hadde nok sett seg i respekt på meir enn ein måte. De finn eventyret hjå «[Prosjekt Runeberg](#)» [her](#).



Lærarinna frå Øe(Øde) i Røn, Vestre Slidre vart gardkone på Djupvik i Nes sokn, Flekkefjord



Vi får framleis halde oss i [Flekkefjord prestegjeld](#). *Gaardmnd Aanen Nilsson* på Dybvig([Djupvik](#)) i Nes sokn og *Juliane Sophie Ingvarsdtr* vart 25/5-1859 foreldre til ein gut. Guten fekk i [Flekkefjord krk. 13/6-1859](#)^[#49] namnet **Nils Andreas**. [FT1865](#) syner at han og systera Syverine bur på *Dypvik* lno 105 i Staaiby teljkrins, Nes sokn i Flekkefjord prgj. Han vart konfirmert [4/10-1864](#)^[#38]. Når vi kjem fram til [FT1875](#) har **Nils Andreas** fått tre sysken til; *Johan, Ana* og *Andreas*. Ved denne teljinga er han skriven «*Fisker*». Det vert skrivi at han var ferdig med lærarutdanning i 1880 og verka som lærar i heimbygda frå 1882. Har tok seinare vidareutdanning ved [Hamar Seminar](#) i 1888.

Ingrid Olsdtr var fødd på [Øe\(Øde\)](#) i Røn sokn, Vestre Slidre prgj. 17/2-, døypt i Røn kyrkje [23/5-1875](#)^[#54] og konfirmert [1/6-1890](#)^[#15]. Foreldra hennar var *Ola Olson*([1839-1916](#)) og *Marit Knutsdtr* frå [Bergji](#) [*Gardar og slekter i Vestre Slidre side 438*] ([1846-1919](#)). Frå [FT1875](#) finn vi at **Ingrid** var busett på Øde løpenr 137a i *Øjebygdens Kreds*. Ho vart registrert saman med foreldra, storesyster *Marit Olsdtr* og tenesteguten *Ole Rejersen Næste* f 1865 samt inderst *Johannes Jakobsen Færden* f 1820. Ved [FT1891](#) vart **Ingrid** registrert på [Øde](#) ([gardsnamnet hjå Rygh](#)) gnr 69/1 i Røn sokn, Vestre Slidre herad.

[7/6-1900](#)^[#6] vart **Ingrid Olsdtr Øde** og *Folkeskolelærer Nils Andreas Aanundsen Dybvik* ektevigde i Flekkefjord krk. Forlovarar var gardbrukar Karl Tjersland og *forfattar Hans Seland*. [FT1900](#) syner ekteparet på *Djubvik* gnr 105/1 i Flekkefjord prgj. Dei har same adresse ved [FT1910](#). Det ser ut til at ekteskapet var barnlaust, noko som vert bekrefta i «*Bygdebok for Nes herred 1-2 2:2*» [side 370](#). Pante-registerbladet for Dybvik har eit «stort hopp» mellom 1859 og grunnboksbladet som startar 1942, men bygdeboka fortel at **Nils Andreas** overtok garden etter at mor hans døydde, [14/3-1900](#)^[#11].

Nils Andreas Dyvik [møtte på Stortinget](#) som 1.suppleant i åra 1910-1912. Han hørde til partiet Venstre og var med i Næringskomiteen. Nettsida «*Stemmerettsjubileet.va.no*» nemner at han og var [varamann i 1913](#) – då [lik stemmerett](#) for menn og kvinner vart samrøystes vedteke i Stortinget. Ei [nettside](#) frå avisa «*Agder-Flekkefjord Tidende*» syner avduking av ei minneplate for **Nils Andreas**. Han døydde [23/2-1929](#)^[#6], gravl 2/3-s.å. Han er teken med i ein [GENIprofil](#).

Ingrid Olsdtr har truleg flytta attende til Valdres etter at ho vart enkje. Ho døydde [20/2-1938](#) og kviler på Røn kyrkjegard. Syster hennar, [Arnbjørg](#), kviler under same gravstein.



Gravsteinen til Ingrid og Arnbjørg



Detalj av gravsteinen



Nils Andreas Dyvik
(frå [digitalarkivet](#))

Politikonstabel og sagarbeidar i Kristiansand

Kapitlet «*Viede dissenter*» i Ministerialbok nr A 20 for Kristiansand har for par nummer 9, gifte [21/4-1899](#) desse opplysningane: [Politikonstabel](#) i Christiansand, **Ole Bjørnsen** f N Aurdal 1872 vart gift med *tenestep.* **Else Marie Sørensd**r Kleveland, f [Finsland](#) 1871. Brudgommen høyrer til statskyrkja medan brura har merknaden [Intet Samfund](#).

Brudgommen, **Ola Bjørnson** vart f på [Elseberg](#) i Skrautvål sokn 11/11-, dpt [Skrautvål krk.](#) [26/12-1872](#)^[#164], konf [5/6-1887](#)^[#2]. Han var son til [Bjørn Olson](#)([1846-1931](#)) og [Marit Halvorsdtr](#)([1843-1922](#)). Han vart registrert ved [FT1875](#) på Elseberg, løpenr 55&56 i Nord-Aurdal, saman med foreldra, beste-foreldra på farsida, farbroren Ola og budeia Ingebjørg Olsdtr([Tyende](#)). Ved [FT1891](#) var han «*Amtskole-elev*», busett på Elseberg saman med foreldra og den yngre broren [Halvor](#) f 1885. Han er nemnd på side 203 i Valdres Bygdebok «Gard og bygd i Nord-Aurdal» band A utg. 2005.

Else Marie var dotter til gardbr. [Søren Berthorsen](#) Espeland ([1821-1875](#)) gift [2/7-1855](#)^[#3] med [Ingerid Bentsdtr](#) ([1825-1886](#)). **Else Marie** var fødd på [øvre Kleveland](#) i Finsland sokn, 10/10-1870, dpt [Finsland krk.](#),[Bjelland prgj.](#) [27/11-1870](#)^[#23], konf [11/10-1885](#)^[#3]. Ved [FT1875](#) vart ho registrert på øvre Kleveland [Ino 832](#)^[#23] saman med mora, tre eldre brør, to eldre systre, farfaren [Bertel Olsen](#) og dei to farbrørene [Ole](#) og [Kristen](#). [FT1891](#) syner at **Else Marie** framleis bur på øvre Kleveland, saman med den ugifte broren [Bertel](#) og tenesteguten Ole Andersen.

Else Marie og **Ole Bjørnsen** vart foreldre til to gutar. Eldst var **Bjørn Sigurd** [A1](#) f 21/1-, dpt Kristiansand [25/2-1900](#)^[#27] - og **Sverre Ingjard** [A2](#) f 26/4-, dpt [31/5-1901](#)^[#74], konf [9/5-1915](#)^[#61]. Ved [FT1900](#) budde familien i [Kronprinsens gate 14](#). Husfaren var då skriven Politikonstabel. Ikkje lenge etter lyt dei ha flytta til [Henrik Wergelandsgate 19](#) og ved [FT1910](#) budde dei i [Kristian IVs gade 41](#). Då vart **Ole Bjørnson** skriven *Sagarbeider*.

[20/3-1915](#) finn vi at gift *Gaardsarbeider* **Ole Bjørnsen** reiser frå Kristiansand med [N.A.L.](#) (Amerikslinjen). Reisemål er U.S.A. – det er og notert at *bosted* er U.S.A., men eg finn inga tidlegare reise. Sonen **Sverre Ingjard** [A2](#) reiser [10/5-1921](#) med [Stavangerfjord](#) og har Minnesota som reisemål. Han var då ugift *lagermann i pianoforretning* og oppgav «*bedre fortjeneste*» som årsak til emigrasjonen. Han vart registrert immigrert i New York [22/5-1921](#).

Så langt eg skjønar treffest far og son att i USA. Eg går ut frå at det er «vår» **Ole Bjørnson** ein finn i [Nebish Twp.](#), [Beltrami Co.](#), MN ved [Census1920](#). I [Census1930](#) og [Census1940](#) er adressa Twp (Township) 069 i [Koochiching County](#), MN. I 1940 er han skriven enkjemann og registrert saman med **Sverre Ingjard** [A2](#). - Findagrave.com syner at **Ole Bjørnson** døydde [17/1-1946](#) og vart gravlagd på Oakley Cemetery i Koochiching County. **Sverre Ingjard** [A2](#) døydde [15/9-1977](#) i Cook, [St Louis County](#) i Minnesota. Han kviler på [Cook Cemetery](#).

Bjørn Sigurd Bjørnsen [A1](#) finn eg hjå DISgravminner med dødsdato [7/11-1960](#). Under same gravstein kviler **Maria Bjørnsen** død [23/1-1963](#), gravl 2/2 s.å. Dette er truleg **Maria J Regevig** f 30/10- dpt Finsland krk. [27/12-1903](#)^[#8], konfirmert [9/10-1917](#)^[#12]. Foreldra hennar var gardbr. [Jakob Johnsen](#) og [Berta Johnsdtr](#). Ved [FT1910](#) var familien busett på [Regevik](#) gnr 35/5 i Finsland herad. Regevik ligg i 2017 i [Marnardal kommune](#). - Historikkavsnittet under biletet «[Gravsten til Bertel S Kleveland](#)» syner at **Bjørn Sigurd** [A1](#) var gardbrukar på [Skålenset](#). Han fekk skjøte [14/1-1950](#), tgl 28/1 s.å.



Ein av karane på dette biletet er Bjørn Sigurd Bjørnson ([Historiske foto-Marnardal og Audnedal](#))

« Fotoatelier i grisehuset på Ølken »

Grisen hadde vel flytta til «[dei evige grisebingane](#)»

Tittelen på denne stubben er eit direkte sitat frå biografien til **Marit Brandt** på Nasjonalbiblioteket si oversikt «[Registre over norske fotografer og fotografiske samlinger](#)». [Lokallhistoriewiki](#) har nytta dei same opplysningane.

Marit kom til verda på [Ølkji](#) i Vestre Slidre 31. mars 1855. Ho vart [døypt 20. mai s.å\[#75\]](#). Fadderane høyrde nok til i det «øvre» [sosiale sjiktet](#) i området – «*fru [Vinsnæs](#), jomfru [Kjeldstrøm](#), jomfru [Landmark](#), [Ingri Brandt](#), [Peder Odnæs](#) og [lensmand Hansen](#)*». **Marit** var dotter til [Jon Kristianson\[#9\]](#) og [Beata Gubrandsdtr\[#52\]](#). – Sjå òg [side 359](#) i «*Gardar og Slekt i Vestre Slidre*».

Vi finn **Marit** i [FT1865](#) på [Ølken](#), gnr 42/2 i Vestre Slidre. Ho er [konfirmant 29. mai 1870 \[#1\]](#). Sume er nøye med å føre inn i kva kyrkje handlingane fann stad, men Winsnes har ikkje kasta bort papir på slike «unødvendige» opplysningar

Fem år etter, ved [FT1875\[#060&061\]](#), treffer vi på **Marit** i [Vesterveien 11 i Kristiansand](#). No er ho gift med «Verksbestyrer» ved [KMV Hans Christian Hansen](#). Dei har ei dotter, **Sigrid**, f 18. august-, [dpt 26. september 1875\[#267\]](#). Ektemannen, **Hans Christian** var f 28/12-, [dpt 29/12-1839\[#29\]](#) og [konfirmert 15/4-1855\[#3\]](#) i Kristiansand. Foreldra hans er «*bogholder Hans Christian Hansen og Maren Dorteia Olsen*», Eg har ikkje funne **Marit Brandt** og **Hans Christian** gifte i Kristiansand.

Sonen **John Christian** vert f 4/10-, [dpt 2/11-1877\[#343\]](#). Han vert 'storebror' 26/3-1879. Veslebroren får namnet **Martin Severin** [4/5 s.å\[#132\]](#). Knappe to månader etter dåpen vert han morlaus. **Marit Hansen f. Brandt** [døyr 6. juli 1880\[#171\]](#) – med bustad «Mandalsvejen» i Kristiansand. «*Opgiven Dødsarsak*» er [Phtisis](#). Ho vert gravlagd i Kristiansand 10. juli 1880.

[FT1885](#) plasserer **Hans Christian Hansen** og borna i «Nye [Vesterveien](#) rode 14-11» . Eg har ikkje greidd å finne fleire opplysningar om **Sigrid**, men **John Christian** vert konfirmert [26/12-1893\[#9\]](#) og **Martin Severin** [21/4-1895\[#3\]](#).

Ut frå [FT1900](#) ser vi at dei bur i «[Markens Gade 46a](#)». **John Christian** er ikkje «*blot en sjømand frå Kristiansand*», han er «[Styrmand](#)». **Martin Severin** er «[Stud. Jus.](#)».

Hans Christian har nok giftar seg oppatt, Han er far til barna **Sigrid** f 30/5-, [dpt 21/6-1903\[#88\]](#) og **Hans Christian** (jr.) f 26/6-, [dpt 18/7-1909\[#94\]](#). Mora heiter *Hedevig Olivia Johnsen*. Vi finn dei i Kristiansand i [1910-teljinga](#). Dei bur då i Markensgate 46a. **John Christian** er òg registrert her.

Martin Severin tek turen til Bergen etter å ha fullført jusstudia. I kyrkjeboka for [Nykirken](#) i Bergen er han skriven «[overrettsagfører](#)» då han giftar seg med **Hilda Gustava Thorsen**, [4. august 1905\[u.nr.\]](#). Ho var f 9/2-, [dpt i Nykirken 19/3-1871\[#22\]](#) og [konf Nykirken 2/10-1887\[#54\]](#). Foreldre er «*snedkermester Gert Kruse Thorsen og Anche Margrethe Pedersen*». Familien bur i [1875](#) i Rode2-40 i Bergen.

Hilda Gustava og **Martin Severin** får desse borna: **Marit** f 10/7-, [dpt 2/9-1906\[#90\]](#), [død 15/6-1994](#) – gravl. Møllendal. **Fritz** f 28/9-, [dpt 15/5-1908\[#63\]](#) , [død 9/9-1995](#) – gravl. Loddefjord. **Per** f 14/1-, [dpt 26/6-1910\[#71\]](#), [død 9/3-1993](#) – gravl. Storetveit, og **Rolf** f 26/7-, [dpt 7/9-1913 \[#95\]](#) – [død 2001](#) – gravl. Møllendal. (gravl. saman med Catharina f. Christie (1919-1998)) Borna vert døypte med **Brandt** som *del av førenamnet*, men får alle løyve frå Justisdept. til å nytte familienamnet **Brandt-Hansen**.

Vi finn familien ved [FT1910](#) i Wellhavensgate 25 i Bergen. [Elevlista](#) på «[gamle DA](#)» for [Bergen Katedralskole](#) fortel at **Martin Severin** i 1921 er «[Ligningschef](#)» i Bergen. Han [døyr 19/11-1933](#). Kona, **Hilda Gustava** døydde [29/5-1932](#). Båe er gravl. på Møllendal.

Deler av familien Brandt-Hansen er nemnde både på [Geni](#) og [My Heritage](#) -




Dette biletet er korkje frå 1800-talet eller teke på Ølken. Men det får illustrere tittelen på denne stubben. Denne purka er vel helst på «si siste reise» - og sola skin såpass at vi kan sjå ein «Purkeskugge» på snøen.

Læraren or Tørpegaro vart gardbrukar i Nord-Audnedal

.. *Men det er drug fråstand mellom Konsmo og Solør* ..

Lars fekk namnet sitt i [Vang kyrkje 5. mai 1850](#)^[#34]. Han var fødd på Tørpe 26. februar s.å. med foreldre *Bøye Nilsson* og *Gjartrud Endresdotter*. Valdres Bygdebok, «*Gardar og slekter i Vang*» fortel i band B, side 476 at han var «*lærer i Solør*». Han vart konfirmert, også i Vang kyrkje, [11. juni 1865](#)^[#6]. Ved [teljinga 1865](#) finn vi han, saman med foreldre og sysken, på Torpe lno. 102 i 5^{te} teljingskrins i Vang hovudsokn.



[3. mai 1876](#)^[#1] er det bryllaup i [Konsmo kyrkje](#) i Audnedal. *Ungkarl, Skolelærer Lars Bøyesen Torp* gifter seg med *Pige Berthe Tønnesdtr Valand*. Ho var fødd 13. januar- og døypt i Grindheim krk., Bjelland prestegjeld [30. januar 1853](#)^[#3]. Ved [teljinga i 1865](#) er ho registrert saman med veslebroren *Aanon* og foreldra, *Tønnes Anderson* og *Johanne Endresdotter*, på garden [Valand](#), løpenr 18, i Konsmo teljingskrins i Nordre Undal prestegjeld.



Sonen ^{A1} **Tønnes**, oppkalla etter morfaren, vert f 30. januar- og [døypt 25. februar 1877](#) ^[#6]. Han vert ikkje gamle karen. Ei innførsle i kyrkjeboka for Konsmo fortel at «*barnet Tønnes Larssen*» døyr 21. februar- og vert [gravlagd 27. februar 1883](#)^[#2]. «*Opgiven Dødsarsag*» er «*Gigtfeber*». Det neste barnet får namnet ^{A2} **Bendik**. – Bøye var vel eit *altfor* ukjent namn på desse traktene. Guten er fødd 15. mai 1879 og vert [døypt i Konsmo kyrkje 22. juni s.å.](#)^[#12]. Vi finn «*Personseddelen*» hans i [1891 teljinga](#), og han vert konfirmert i Konsmo kyrkje [8. oktober 1893](#)^[#1]. ^{A3} **Jørgine** (oppkalla etter *Gjartrud*?) vert fødd 29. oktober- på Valand og døypt i Konsmo krk. [4 desember 1891](#)^[#25]. Faren er nemnd «*Grdbr. Skolelærer*». Hennar 'Personseddel' finn vi òg i [1891-teljinga](#). Som syskena vert ho konfirmert i Konsmo kyrkje. Dette hender [4. oktober 1896](#)^[#1]. ^{A4} **Johanne** f 12/6-, [dpt 6. juli 1884](#) ^[#9] får ikkje lang levetid. Ho [døyr 17. mars-](#) og vert gravlagd 25. mars 1886^[#3]. Ei ny ^{A5} **Johanna** f 13. november- og [dpt 5. desember 1886](#) ^[#8]. No er faren skriven «*Gaardbr*». *Johanna* er med ved [1891 teljinga](#), men ho døyr, 9 år gamal, [på Valand 20. april 1896](#)^[#4] – Gravferd er notert til 25. april. Her er «*Lungetæring*» skrive som dødsårsak.

Berte Tønnesdotter døyr av «*Lungebetændsel*» på Valand 27. januar- og vert [gravlagd ved Konsmo kyrkje 8. februar 1887](#)^[#2]. **Lars Bøyeson** vert verande enkjemann i godt og vel 2 år. Han gifter seg oppatt med **Randi Knutsdotter** i Konsmo kyrkje [31. juli 1890](#)^[#1]. **Randi** var fødd 8. mai- på Flaar i Bjelland (Marnardal) og var [døypt 27. juni 1855](#) i Bjelland kyrkje ^[#8]. Ho var dotter til *Knud Kiddelsen* og *Guri Tønnesdtr*. Vi finn henne ved [FT1865](#) på garden Rosseland i Bjelland prgj. Ho vart konfirmert i Bjelland kyrkje [10. oktober 1869](#)^[#11].

Randi og **Lars** finn vi med denne [huslista](#) ved teljinga 1891. Dei fekk desse borna: ^{A6} **Berte** (oppkalla etter den avdøde ektefella) f 5. november, [dpt 23. november 1890](#)^[#15], konfirmert i Konsmo [9. oktober 1904](#) ^[#11] og nemnd i teljingane [1891](#), [1900](#) og [1910](#). ^{A7} **Nils** møter verda 17. mars 1892 og vert [døypt 19. april s.å.](#)^[#2]. Han står til [konfirmasjon 7. oktober 1906](#)^[#8]. Vi finn han både i [1900](#) og [1910](#). ^{A8} **Gunda** f 8. juli 1894 [døypt Olsokdagen \(29. juli\) s.å.](#)^[# 8], død av «*Hjernebetennelse*» 5. september- og [gravlagt ved Konsmo kyrkje 10. september 1896](#)^[#7]. ^{A9} **Tønnes**, som får namnet til den tidlegare døde halvbroren, vert f 28. oktober- og [døypt 29. november 1896](#)^[#10]. Han er med i teljingane både i [1900](#) og [1910](#). Konfirmasjonen hans er i Konsmo krk. [8. oktober 1911](#)^[#11].

Ser vi på «[den reviderte matrikkelen](#)» 1886 og slær opp Valand, gardsnr 32, bruksnr 2 i Konsmo sokn, ser vi at garden er registrert på svigerfar til Lars Bøyeson, Tønnes Anderson. [Grunnboka for 32/2](#) fortel at det var ei skylddeling 3. juli, tinglyst 7. oktober 1884, der Lars Børufsen får delt av løpenr 18, litra3. Sida for [Valand lno 18 ltr 3](#) fortel at bruket vart skilt ut frå lno 18/2 og har no gnr. 32/6. Ved skifte etter **Berta Tønnesdtr** er garden «*udlagt enkemanden Lars Børjessen for 6400 kr, dt 9de tgl 15 Aug. 1890*». Det ser ut til at dei på skrivarkontoret heller ikkje kjenner førenamnet *Bøye*. Den 20. september 1901 får Knut Børufsen Haaland? «*Auktionskjøte*» *efter Lars Børjesen for 5050 kr*» datert 20. september og tinglese 6. mai 1902.

Lars Bøyeson døydde 18. mars og vart lagt til kvile ved Konsmo kurkje [25. mars 1899](#)[#3]. Det ser ut til at **Randi Knutsdtr** og borna flytter frå garden, for ved [teljinga i 1900](#) er dei registrert på [gnr. 4/1, Hellestøl i Nord-Audnedal](#).

Sonen **Bendik** ^{A2} frå fyrste ekteskap bur også her. Han er no folkeskulelærer. I [1910](#) har han skifta arbeidsstad. Han held no til på Samkom, gnr 14/11 i Vennessla. **Bendik** vert [gift i Vennessla 25. mars 1911](#)[#4]. Brura heiter **Anne Sofie Gunvaldsdtr** og er f 18. oktober 1881 og døypt 20. november s.å i Birkenes sokn i Tveit prgj. Ho vart [konfirmert 4. oktober 1896 i Vennessla kyrkje](#)[#14]. Foreldre er *Gunvald Syverson* og *Berte Olsdtr*. Ved teljingane i [1900](#) og [1910](#) bur ho på Ruenes gnr 14/1 i Vennessla saman med far og sysken. **Anne Sofie** og **Bendik** vert 8. september 1911 foreldre til jenta **Bergljot** ^{B1}. Ho vert [døypt i Vennessla kyrkje 3. desember same år](#)[#30].



Jørgine Larsdtr ^{A3} giftar seg i Froland, Aust-Agder [8. november 1900](#)[#12] med **Jon Torkelson Leland**, son til *Torkel Jonson* og *Kari Knutsdtr*. **Jon** var fødd på [Ågedal i Grindheim](#) sokn (Hægebostad) 12. april – og [dpt 12. mai 1878](#) [#16] i [Grindheim kyrkje](#). Her vart han òg [konfirmert 3. oktober 1892](#)[#3]. Litt før dei gifta seg kom sonen deira, ^{B2}**Torkel**, til verda. Han vart fødd på [Rosef](#), der faren **Jon** er tenestekar, 21. september- og vart døypt i [Mykland kyrkje](#) 11. november 1900 [#7], fire dagar etter at foreldra vart vigde. I merknadsrubrikken for vigsla er det skrive. «Hjemsted: Mykland i Herefoss, født i Konsmo Sogn i Nordre Undal. Udfl.att af 27/10 1900 fra Nordre Undal Sognepr. Bruden: Tjenestepige - Medd. Herefoss Sognepr 20/11 1900" - Notat i Mykland KB: # Viet i Froland. Søkendeborn. Bruden havde forevist Udflyttingsattest fra Nordre Undals Sognepr. af 27/.. 1900».

Så ser det ut til at **Jørgine** og **Jon** flytter attende til Audnedal. Resten av ungflokken er alle fødde på [Leland](#) i Grindheim. Her finn vi også familien ved [teljinga 1910](#). Borna er: ^{B3}**Lars Valand** f 14/10-, [dpt Grindheim krk. 16/11-1902](#)[#19], [død 31/12-1994](#)[ID=2695384], gravl. [Vennessla](#) krk. ^{B4}**Kari** f 5/4-, [dpt 15/5-1908](#) [#4]. ^{B5}**Bjarne** f 2/8-, [dpt 6/9-1914](#)[#2], [død 26/4-1991](#)[ID=2272444], gravl. 'Oddernes nye'. ^{B6}**Olaf** f 14/12-1916, [dpt 18/2-1917](#)[#1], [død 21/7-2006](#)[ID=2699576], gravl. Vennessla. ^{B7}**Trygve** f 24/1-, [dpt 1/4-1920](#) [#2], [død 31/8-1984](#)[ID=2120796], gravl. Oddernes. ^{B8}**Bendik** f 20/10-, [dpt 26/11-1922](#)[#5], [død 1976](#) [ID=2120796], gravl. 'Oddernes gamle'.

[Grunnboka](#) for Grindheim tinglag syner at **Jon Torkelson fekk skjøte** frå mor si på Leland gnr. 28/2 – datert 20. april og tinglyst 20. mai 1911. [Matrikkelutkastet 1950](#) fortel at han også då er eigar.

Berte Larsdtr ^{A6} vert [gift i Konsmo krk. 10. juli 1920](#)[#0] med **Olaf Helle Tobiassen**. Han er fødd 10/1- og [dpt i Konsmo krk. 6/2-1898](#)[#2]. Her vart han òg [konfirmert, 6. oktober 1912](#)[#1]. Foreldra hans er «landhandler og baker» *Tobias Olsen* og *Stina Jensdtr*. **Berte** og **Olaf** vert 5. mars 1922 foreldre til ei jente. Ho vert, [17. april s.å.](#) [#2], i Konsmo kyrkje, døypt **Randi** (etter mormor si). Sonen **Tobias** vert f 22/10-1923. Han vert [heimedøypt 26/10 s.å.](#)[#10], og [døyr på Hellestøl 9. november, vel to veker gamal](#)[#6]. - [Grunnboksbladet for gnr 4/1, Hellestøl i Konso tinglag](#) syner at Torleif Øydna fekk skifteskjøte frå dødsbuet etter **Randi Hellestøl**, datert 22/4-, grunnbokført 5/6-1937.

Utbreiing av mannsnamnet (Førenamn) **Bøye** (med alternativa: Boye/Boje/Boie/Bøie)

FT 1801		FT1865		FT1900		Skattelister 2009	
Område	Tal	Område	Tal	Område	Tal	Område	Tal
Vang i Valdres	6	Vang i Valdres	21	Vang i Valdres	20	Vang i Valdres	5
Skien	3	Frosta	10	Frosta	11	Nord-Aurdal	3
Grytten	3	Skien	6	Hedrum	5	Bergen	3
Porsgrunn	2	Kristiania	3	Trondheim	5	Lillehammer	2
Steigen	2	Porsgrunn	2	Gjerpen	4	Gjøvik	2
		Kristiansund	2	Lardal	3	Lunner	2
		Eid, Romsdal	2	Stavanger	3	Vestre Toten	2
<i>Samla</i>	25	<i>Samla</i>	58	<i>Samla</i>	72	<i>Samla</i>	41
<i>Prosentandel for Vang</i>	24		36		27	%del Vang	12,2
						%del Valdres	28,5


I 2009 finn ein fleire med slektsrøter i Vang som bur heilt andre stader i landet. På Frosta er det i 2009 ein Bøye.



Foto: OHF 15/9-2011

«Giftekniv» på Sorenskrivar- kontoret ?

Vi let denne saga starte 29. april 1843 – då eit jentebarn vart fødd på [Dale](#) i Vestringdsbygden. Foreldra, [Helge Erikson](#) og [Dorthe Olsdtr](#) hadde valt at jenta skulle ha namnet **Kari**, namnet fekk ho så i [Aurdal krk. 4. juni 1843](#)^[#31]. Namnet «arva» ho frå farmora, [Kari Andersdtr](#) frå [Kulterstad](#). – Lat meg ta med at ho **Kari Helgesdtr** var syskenbarn til ein av dei fire oldefedrene mine.



Kari vart konfirmert i Aurdal krk. [18/6-1858](#)^[#3]. Ved [FT1865](#) var ho «Jomfrue» hjå [lensmann Ole Chr Bye](#) på [nedre \(Søre\) Hande](#) i Vestre Slidre. – Kari hadde ein bror, **Erik**, og systrene Maria, Berte og Anne. **Erik** var ei tid kontorist på «skrivarkontoret» i Aurdal. Litt om «[Skrivargarden](#)» [Lund](#) finn de i stubben om «[fru overrettsakfører i Grimstad](#)».

Teljinga [1865](#) syner og at **Hans Andreas Lund** frå Mandal då var *kontorist* hjå futen Christopher Rogge. Om **Erik Helgeson**, som ved [FT1865](#) var «Husfader, Gaardbruger og Selveier» på øvre Søre, på Skrivarkontoret hadde drive aktiv marknadsføring av veslesyster si – det veit ikkje eg noko om, men mistanken går i den lei – I alle fall gifta *Fogedfullmektig* **Hans Andreas Lund** seg i Aurdal kyrkje [11/10-1867](#)^[#21] med *Jomfru* **Kari Dahle**. Forlovarar var *Sagfører* Engelschjøn og *Foged* Rogge. ([Vise](#))

Kari og **Hans Andreas** får tre born i Aurdal. **Sophie Margrethe** ^A f 5/7-, dpt [2/10-1868](#)^[#135], konf [Valle krk. 5/10-1884](#)^[#2]. **Helga Pauline** ^B f 4/6 – dpt [18/9-1870](#)^[#29], konf Valle krk. [11/10-1885](#)^[#24]. **Petra Christiane** ^C f 18/5-, dpt [11/9-1872](#)^[#119], konf Valle krk. [2/10-1887](#)^[#27]. Familien lyt ha flytta til Sør-Audnedal innan sumaren 1874. *Foged* Rogge finn vi i Mandal ved [FT1875](#).

Hans Andreas vart skriven *Lænsmand* då dottera **Thora Edvardine** ^D vart fødd på [Vigeland](#) 6/4- dpt Valle krk. [9/8-1874](#)^[#49], konf [13/10-1889](#)^[#1]. **Ragna Magnhild** ^E f [Foss](#) 15/12-1876, dpt Valle krk. [22/5-1877](#)^[#35], konf [2/10-1892](#)^[#3]. **Ingebjørg** ^F f [Foss](#) 9/11-1879, dpt [7/3-1880](#)^[#8], konf [29/9-1895](#)^[#1]. **Dagny** ^H f [Christiansminde](#) 3/3-, dpt [26/6-1884](#)^[#17], konf [8/10-1899](#)^[#3].



Hans Lund

Eg har ikkje greidd å finne familien i [FT1875](#) for Sør-Audnedal, men i FT1891 budde dei på [gnr 66/2](#) (Christiansminde) i Sør-Audnedal. [Husliste](#) – Personskjema [f.o.m](#) – [t.o.m](#).

Dei budde på Christiansminde også ved [FT1900](#), no saman med dottera **Dagny**, ei budeie og to «*mt*» midlertidig busette arbeidsfolk. **Kari** og **Dagny** budde her også ved [FT1910](#).

Sør-Audnedal bygdebok har på [sidene 327/328](#) bilete og omtale av **Kari** og **Hans Lund**. Han kjøpte gnr. 66/2 i 1879.



Kari Lund f Dale



Gravstein Kari og Hans Lund

Lensmand og *Gaardbruger*, gift, **Hans Andreas Lund** døydde av «[blærebetændelse](#)» på Kristiansminde [1/2-1903](#)^[#8], gravl 7/2 s.å. *Sukkersyge* er innskriver som dødsårsak for **Kari Lund** som døydde på Kristiansminde [10/5-1914](#)^[#9], gravl 19/5 s.å. Ektefolka kviler på Valle kyrkjegard i Sør-Audnedal.



Valle krk

Helga Pauline ^B gifta seg i Valle krk. [2/6-1895](#)^[#3] med *handelsmand* **Oskar Ariansen**. Han var son til [Adrian Laland](#) og [Oline Berstdtr](#). Han var dpt [3/5-1874](#)^[#58] i [Halsaa krk](#)(Mandal prgj.) og konf i

[Mandal 30/9-1888](#)^[#20]. Dei vart foreldre til døtrene **Olga** ^{B1} f 16/9-, dpt Mandal [25/12-1895](#)^[#99], konf Valle krk. [10/10-1909](#)^[#26]. **Kari Lund** ^{B2} f 14/2-, dpt Mandal [15/4-1897](#)^[#15], konf Valle [8/10-1911](#)^[#23]. **Sigrid Lund** ^{B3} f 18/9-, dpt Mandal [23/10-1898](#)^[#44], konf Valle [5/10-1913](#)^[#39]. **Alfred Lund** ^{B4} f S.Undal 28/6-, dpt Valle krk [29/7-1900](#)^[#30], konf Valle [4/10-1914](#)^[#19].

Familien budde ved [FT1900](#) i [Buhølen](#) under gnr 66/1 i *Søndre Undal*. Landhandler **Oscar Ariansen** døydde i [Buhølen](#), S.Undal av [tæring 3/5-1901](#)^[#8], gravl Valle krk. 8/5 s.å. ([DISgravminner](#)).

Landhandlerske Helga Ariansen gifta seg oppatt [23/4-1906](#)^[#2] med *skolelærer Elias Edvard Tobiesen Osestad*, f [Osestad](#) 18/12-1866, dpt Valle krk. [1/1-1867](#)^[#2], konf [2/10/1881](#)^[#12]. Foreldra hans var *Abraham Tobies Johnsen* og *Trine Evensdtr. Elias* og *Helga* fekk borna: **Dagny** ^{B5} f Buhølen 12/9-, dpt [18/11-1906](#)^[#25], konf [3/10-1920](#)^[#16]. **Astrid** ^{B6} f 12/9-, dpt [18/11-1906](#)^[#26], konf [3/10-1920](#)^[#17]. **Thora** ^{B7} f Melhus, Valle 13/12-1907, dpt [19/4-1908](#)^[#4], konf [8/10-1922](#)^[#15]. **Hilda** ^{B8} f Buhølen 8/6-, dpt Valle [10/10-1909](#)^[#24], konf [7/10-1923](#)^[#8]. **Eldbjørg** ^{B9} f Buhølen 8/4-, dpt Valle [2/7-1911](#)^[#11], konf [11/10-1925](#)^[#6]. **Signe** ^{BX} f Buhølen 20/3-. dpt Valle [3/10-1915](#)^[#18], konf [6/10-1929](#)^[#4].

[FT1910](#) syner at dei då budde i Buhøllen. **Helga Pauline** ^B døydde av *Lungetæring* i Buhøllen [27/12-1916](#)^[#23], gravl 3/1-1917. Skolelærer **Elias Osestad** døydde julaftan [24/12-1926](#)^[#26], gravl Valle kyrkjegard 30/12-s.å. *Opgitt dødsarsak* var [Kjertelbetændelse](#).

Olga ^{B1} **Ariansen** vart skriven *ugift tjenestepike* då ho reiste [7/9-1923](#) frå Oslo og hadde New York som reisemål. Ho reiser saman med systera **Kari Lund** ^{B2} og halvsystemene **Dagny** ^{B5} og **Astrid** ^{B6}. **Olga** ^{B1} søkte om Amerikansk statsborgarskap i [1931](#) (Southern District of New York). Ho døydde i [1973](#) og vart gravlagd ved Valle krk 28. juni s.å.

Dagny ^{B5} **Osestad** budde på Manhattan, New York ved [Census1930](#). Ho var då tenar hjå familien *Villard*. Ancestry.se har opplysningar om at **Astrid** ^{B6} **Osestad** gifta seg i [Kings Co., New York](#) med *Ernst Eriksen*. **Hilda** ^{B8} **Osestad** søkte om Amerikansk statsborgarskap i New York 1931. Ho gifta seg òg i Kings Co.; 18/5-1935. Mannen hennar heitte *Arne Madsen*. Så vidt eg skjønar er det [gravsteinen deira](#) vi finn hjå Findagrave.com. Dei er gravlagde på [Saddle River Low Dutch Reformed Cemetery](#), Bergen Co., New Jersey.

Thora ^{B7} **Osestad** finn eg hjå DISgravminner. Ho døydde [10/1-1993](#), gravl ved Valle krk. 16/2 s.å. **Eldbjørg** ^{B9} **Osestad** døydde [4/10-2002](#), gravl Valle krk. 10/10 s.å.



Gravsteinar ved Valle krk.



Monument over [Peder Clausson Friis](#) Valle krk.

Fargebiletta til denne stubben vart tekne av stubbskrivaren 3. juni 2004

Ragna Magnhild ^E starta ekteskap med bakar **Adolf Bernhard Vigeland** [18/11-1900](#)^[#8]. Han var son til *Nils Torson* («Nils Bager») og *Torberg Mortensdtr. Adolf* var f på Vigeland 14/9-, dpt Valle krk. [15/10-1876](#)^[#66], konf [4/10-1891](#)^[#29]. Ektefolka bur på [Vigeland](#) nedre gnr 57/3 ved [FT1900](#). Dei har flytta til [Byremo](#) gnr 10/9 i [Grindheim herad, Bjelland](#) prgj ved [FT1910](#). **Adolf** var då lensmann i Grindheim. Dei var attende i Valle i 1914.

Borna var desse: **Hans Lund** ^{E1} f Vigeland 14/9-, dpt Valle krk. [20/10-1901](#)^[#23], konf [14/10-1916](#)^[#18]. **Nils Torbjørn** ^{E2} f Bredablik 18/10-, dpt Valle [15/11-1903](#)^[#24], konf Valle [29/9-1918](#)^[#3]. **Kari** ^{E3} f Byremo 19/10-, dpt Grindheim [18/11-1906](#)^[#12], konf Valle krk. [2/10-1921](#)^[#9]. **Torbjorg** ^{E4} f Byremo 4/12-1910, dpt Grindheim [1/1-1911](#)^[#1], konf Valle [11/10-1925](#)^[#18]. **Asbjørn Rolf** ^{E5} f Vallemoen 15/7-, dpt Valle [16/8-1914](#)^[#16], konf [30/9-1928](#)^[#23]. **Leif** ^{E6} f 18/12-1920[#], dpt Valle krk. [6/2-1921](#)^[#2].

Hans Lund ^{E1} gifta seg i Valle krk. [21/12-1926](#)^[#10] med **Ruth Irene Gravidahl**, dotter til sliperarbeidar *Olaf Johanson Gravidal* og *Julie Haakine*, f *Sortebraaten, Hønefoss* 31/10-, dpt [27/11-1904](#)^[#79],

konf Haugesund prgj. [7/12-1919](#)[#77]. [FT1910](#) syner familien busett på Svartebranten gnr 45/6 i Norderhov. - **Hans Lund** [E1](#) døydde i [1979](#), **Ruth Irene** i [1992](#). Dei er gravlagde ved Valle krk.

Nils Torbjørn [E2](#) reiste [10/9-1920](#) frå Kristiania med reisemål New York. **Kari** [E3](#) tok den same turen [7/9-1923](#).

Chauffør Asbjørn Rolf [E5](#) **Vigeland** gifta seg i Valle krk. [26/11-1938](#)[#14] med **Thelma Elisabeth Tobiassen**, f 9/5-1917 i New York, konf [Spangereid krk.](#) [10/5-1931](#)[#8], dotter til **Ole Tobiassen** og **Olga**. Vi finn ektefolka hjå DISgravminner; **Asbjørn** med dødsdato [25/5-2001](#), gravl 1/6 s.å. **Thelma** med dødsdato [7/2-2008](#), gravl 14/2 s.å. Dei vart gravlagde ved Valle krk.

Gravsteinen til **Leif** [E6](#) finn vi og ved Valle krk. Han døydde [8/5-1999](#), gravl 14/5 s.å. Han deler gravstein med **Sofie** f 3/10-1923, død [25/6-2003](#). [Ei side hjå «MyHeritage»](#) fortel at ho var fødd i **Eiken** sokn, Hægebostad prgj. Klokkarboka for Eiken syner at denne gongen treffer «MyHeritage» blink. Ho **Sofie** var fødd på **Bloka** 5/10-, dpt Eiken krk [25/11-1923](#)[#12]. Ho var dotter til arbeidar **Aksel Reinert Tobiassen** og **Torborg Berntsdr.**



Ein **Skolelærer** frå Frosta hadde fridd til **Ingebjørg** [G](#) **Hansdr.** Ho hadde slege til på frieriet og paret gjekk inn i ekteskap i Valle krk. [16/10-1904](#)[#7]. **Karen** frå Frosta heitte **Karl Lorentzon Juberg**. Han var f på **Juberg** 23/11-1879, dpt **Frosta krk.** [4/1-1880](#)[#2], konf Frosta [7/10-1894](#)[#25]. Han var son til gardbrukar **Lorentz Olson** og **Mette Kristoffersdr.** **Karl** var elev på **Elverum lærarskule** ved [FT1900](#) og budde då på garden Lilleløkken gnr 31/6 i Elverum. - [FT1910](#) syner familien busett på Pallen(Methus) gnr 67/16- i Sør-Audnedal.

Ingebjørg [G](#) og **Karl** var foreldre til: **Lorentz** [G1](#) f Kristiansminde 4/4-, dpt Valle [21/5/1905](#)[#6], konf [5/10-1919](#)[#20]. **Hans Lund** [G2](#) f 17/9-, dpt Valle [2/12-1906](#)[#18], konf [2/10-1921](#)[#20]. **Magnhild** [G3](#) f Pallen 2/7-, dpt [13/9-1908](#)[#19], konf [8/10-1922](#)[#7]. **Bjarne** [G4](#) f Pallen 25/3-, dpt [10/7-1910](#)[#11], konf [28/9-1924](#)[#5]. **Kirsten** [G5](#) f Pallen 24/3-, dpt [7/7-1912](#)[#9], konf [4/10-1926](#)[#20], emigrert frå Oslo med reisemål New York [21/10-1930](#). **Dagny** [G6](#) f Methus 18/10*, dpt Valle [25/12-1913](#)[#25], konf [9/10-1927](#)[#24]. **Helga Lund** [G7](#) f 23/1/-, dpt [19/5-1918](#)[#11], konf [2/10-1932](#)[#1].

Ingebjørg [G](#) **Juberg** døydde iflg DISgravminner [18/7-1952](#), gravl 22/7 s.å. **Karl Juberg** døydde 1964, gravl [14/2-1964](#). Dei kviler ved Valle krk. - Eg finn elles snikkar **Bjarne** [G4](#) **Juberg** nemnd i krigsfangenskap i Kristiansand i tida [5/11-1942](#) – [5/12-1943](#). DISgravminner fortel at **Bjarne** døydde 1976, gravlagd ved Valle krk. [15/12-1976](#).



juni2004: Eg vart teken godt vare på - og synt rundt på stader der etterslekta til Kari Dale hadde hatt tilhald

«Men det sa` presten ingenting om da vi sto der»

- ikkje eitt einaste hint vart gjeve i bygdeboka

Ola Andrisson kom til verda 19/9- og vart døypt [15/10-1876](#)^[#66]. Sidan dei to dåpsborna denne dagen høyrer til i Øye sokn, ville eg tru dei vart døypte i [Øye kyrkje](#). **Ola** vart konfirmert i Øye [3/5-1891](#)^[#3]. Foreldra hans var [Andris Andrisson](#) og [Synneva Anfinnsdtr.](#) Dei er omtala på [side 116](#) i «*Gardar og slekter i Vang*» (Valdres bygdeboks forlag 1985).

Familien vart ved [FT1891](#) registrert busett på [Hermundstad gnr 5/1](#) (Tangelo) [Husliste – Person-skjemaet](#) til Ola Andrisson. – Eg har her skrive namnet (Andris) slik det er gjort i Valdres bygdebok; i kyrkjebøkene og teljingslistene o.l. vart karen skrive **Ole Anders(s)en**.

Ola (1876-1963), løytnant, ugift.

Informasjonen i «*Gardar og slekter i Vang*»

Når vi kjem til [FT1900](#) finn vi **Ole Hermundstad** som «*Sergeant i Kystartilleriet*». Han vart då registrert busett i [Østre Strandgade 43](#) i Kristiansand kjøbstad. Her var vidare 22 gutar skrivne «*Elev af overkonstabelskolen*» og Richard Rogstad frå Elverum var «*Furer i Kystartilleriet*». Det ser ut til at overkonstabelskule var grunnlaget for å gå vidare på [underoffiserskule](#).

Så finn vi ein barnedåp i [Kristiansand domkrk. 15/6-1902](#)^[#105] vart eit gutebarn bore til dåp der han fekk namnet **Adler**. Guten var fødd 28/5-1902 i Fritz Jensens gate 89. Foreldra var *Sergeant, ungd* **Ole Hermundstad** og *sypige* **Karen Severine Jakobsen**.

Karen Severine var fødd på [Nøding](#) i Holum prgj. 25/6-, dpt i Holum krk [21/7-1872](#)^[#2] og konf [Holum krk. 3/10-1886](#)^[#10]. Ho var dotter til gaardbr. [Jakob Jakobson](#) og [Karoline Sakariasdtr Nøding](#). Familien var ved [FT1875](#) busett på Nøding. Her vert oppgjeve at **Jakob** var vegarbeidar, fødd i Vågå. Han kom til verda på [Olstadeige](#) i Sel 8/3-, dpt Sel krk [5/4-1849](#)^[#18]. Foreldra var [Jacob Olson](#) og [Kari Hansdtr. Jakob](#) vart ved [FT1865](#) registrert på [Barfladen](#) i Nordre Sel. Han gifta seg i Holum krk. [19/6-1872](#)^[#5] med [Karoline Sakariasdtr. Karoline](#) døydde [29/5-1877](#)^[#6], gravl 6/6 s.å.

Jakob gifta seg oppatt [2/8-1888](#)^[#4] med Gunille Nilsdtr Sletten f 1852. Dei budde ved [FT1900](#) på [Nøding gnr 53/6](#) i Holum herad. **Jakob** døydde på Nøding [12/3-1925](#)^[#5], gravl 19/3 s.å. De finn eigedomsopplysningar om [Nøding øvre](#) i panteregister nr 19 (Holum i Mandal)

Adler Nøding vart konfirmert i Holum [10/9-1916](#)^[#15]. Ved [FT1910](#) var han registrert som dotter-son og budde hjå bestefaren på øvre Nøding. - Han vart [28/4-1922](#) registrert som utreist frå Oslo med reisemål New York. Turen gjekk med «[Stavangerfjord](#)»

Vi finn **Adler Noding** ved [Census1930](#) busett i [Brooklyn](#), N.Y. Han var då gift med **Hilda**, 24 år gamal, fødd i Noreg. Census1940 har han registrert som [Adler O Noding](#), gift , busett i Brooklyn, men tellt i Assembly District 1 på [Manhattan, N.Y.](#)

De kan finne ein [GENIprofil](#) om **Adler Olsen Nøding**. Her er og teke med kjeldereferansar både til kyrkjebøker og folketeljingar. Det er noko ein ikkje ofte ser hjå GENI.

At den ugifte løytnanten frå Øye hadde etterslekt – det burde då Valdres bygdebok hatt med!

Då sluttar eg stubben med eit litt omskrive vers frå «[Steinkjersainnan](#)» (side 27)

Men han æ møtte den ene gang
av lua så æ hans høie rang.
Og æ forsto da han var mig nær
at han va' offiser i Sjøens hær

Blant alle «Lande» i øst og vest Der vest i Agder – der har dei flest

På leiting i kyrkjebøkene er det ofte lett at augo glir over til grannerubrikkene til det feltet ein primært leitar i. I Vest-Agder slo det meg at svært mange av «Bustad»-felta enda på -land. For ein Valdris er dette ei svært lite brukt ending, og eg gjekk difor inn i matrikkelen frå 1886.

I Valdres finn ein berre 3 matrikulerte bruk med -land, [Nordland](#) og [Bøland](#) i Vang samt [Vermeland](#) i Beito (lokalt kalla «Menka»). I folketeljningane finn ein òg *Viland* i Vang, *Småland* i Etnedal, *Haugland* i Vestre Slidre og *Elveland* i Nord-Aurdal samt plassane *Skyt(ter)land*, *Rilland* og *Haugland* i Sør-Aurdal.



Blant alle lande i øst og vest, er fedrelandet mitt hjerte nest.
Det gamle Norge med klippeborge, meg huger best.

Fra Vesterhavet til kjølen rand, fra Nordishavet til Kristiansand,
der har jeg hjemme og kan istemme: Mitt fedreland.

Dog mest jeg elsker det folkeferd som har sitt hjem mellom fjell og skjær.
Hvor unge hedre de gamle fedre som bygde her.

Tal gardnamn som endar på ...land i matrikkelen 1886

I Vest-Agder er biletet eit heilt anna. [Matrikkelen 1886](#) syner knappe 500 gardsnamn som endar på -land. Her er berre tellt med ein førekomst av namnet, sjølv om 2-20 gardar er nemnde med same namn. For meg, som *ikkje* er namnegranskar, ser eg i namna framfor meg: spikking av rivetindar, lindyking, rydding av eikeskog, blanda kor, tyske bryggerihestar, sitjefjøla i ein robåt, ujamn veglei, juksemarakar, badeplassar, møkkbreiing for hand, strikking, velfyllte matfat og skeive skigardar.

Her er nokre av namna eg noterte medan eg las kyrkjebøkene, delv. ref til «[Norske Gaardenavne](#)»

[Spikkeland](#)
[Espeland](#)
[Kleveland](#)
[Djubesland](#)
[Løvslund](#)
[Førelund](#)
[Grindland](#)
[Kraakeland](#)
[Linland](#)
[Øreland](#)
[Kvelland](#)
[Aamsland](#)
[Haaland](#)
[Smesland](#)
[Bjerland](#)
[Tønnesland](#)
[Seveland](#)
[Holmesland](#)

[Stakkeland](#)
Seland
[Egland](#)
Rolland
Omland
[Greipsland](#)
[Roiselund](#)
[Haddeland](#)
[Eiesland](#)
[Netland](#)
[Veggeland](#)
[Versland](#)
[Homplund](#)
Ausland
[Mærsland](#)
Daatland
[Bruselund](#)
[Haamokland](#)

[Nenningland](#)
Østeland
[Hindersland](#)
[Møskeland](#)
[Bruselund](#)
Tofteland
[Spetteland](#)
[Fuskeland](#)
[Møyland](#)
Skjævesland
[Sangesland](#)
[Leinelund](#)
[Aukland](#)
Bruskeland
[Kavelund](#)
[Ramsland](#)
[Surteland](#)
[Hægeland](#)

[Madland](#)
Aasland
[Kjelland](#)
[Roiselund](#)
[Næslund](#)
[Rosseland](#)
[Hjorteland](#)
Fiskeland
[Kylland](#)



[Tjomsland](#)

Rogaland fylke (Stavanger amt)

http://no.wikipedia.org/wiki/Rogaland#Administrative_inndelinger


<http://en.wikipedia.org/wiki/Rogaland>



Rønsbyggingen som vart «Barhauer» ved Vigsnes grube og bror hans, vegarbeidar og jarnvegsarbeidar på Flekkefjordbanen

Tore Halsteinson var fødd på [Øydgarseigun](#) i [Sørskogen krins](#) i [Nord-Aurdal](#). Han vart døypt i [Aurdal kyrkje 1. april 1792](#)^[H side, 5. nedanfrå]. Ved [teljinga 1801](#) er foreldra^[#050&051] husmannsfolk under [Sørei](#). Her bur han også då han vert konfirmert, [16. august 1807](#)^[V side, H spalte, 5. ovanfrå], dette òg i Aurdal kyrkje. Han har kryssa prestegjeldsgrensa til Slidre då han [11. desember 1825](#)^[#29] giftar seg med **Anne Knutsdotter**. Ho var fødd på Rengistad i [Lome sokn](#) i Slidre prgj. Ho vart døypt i [Slidredomen 25. september 1803](#)^[V side, 6. ovanfrå], (sjå òg [Valdres bygdebok «Gardar og slekter i Vestre Slidre»](#)). **Anne** sto til konfirmasjon [26. juli 1818](#)^[#1] i [Hegge kyrkje](#).

Dei fem eldste borna deira har alle fått «[Skrøvig](#)» eller «[Skrøvigeje](#)» som «*Opholdsted*». Det er den femte av desse, **Ola Toreson** f 26/1-, [dpt 21/6-1838](#)^[#47] og veslebror hans, **Peder Toreson**, f [Holdenseje](#) 20/12-1843, [dpt 11/2-1844](#)^[#17], vi skal sjå nærare på i denne stubben.



Inførsla av konfirmasjonen til Ole(Ola). Pennesforaren her var, i høve til dei fleste, ein stor papirøydar. Når ein vert van med handskrifta, er ho godt skjoneleg. I starten minna det mest om ein fugl som hadde forvilla seg ned i blekkhuset, og sidan teke springmars over kyrkjeboksidene. Boka er ført i tida då [Gabriel Hofgaard Winsnes](#) var sokneprest i Slidre.

Ola (eller Ole som det er skrive i kyrkjebøkene) er ved [konfirmasjonen 16. juni 1853](#)^[#21] nemnd med «*Holden*» som «fødested». Familien hans er no flytta over [soknegrensa](#) frå Slidre til Røn, og bur på [Toreplassen](#) under garden [Hølle \(Holden\)](#). Ved [teljinga 1865](#) er han nemnd 25 år gml., «Daagarbeidar».

Neste gong eg finn **Ola** er i kyrkjeboka for Skånevik. [29. september 1873](#)^[#19] giftar «*Ungkarl Grubearbeider Ole Thorsen Holden*» med «*Pige Husmandsdatter Maddela Johnsdatter Sloke*». Eg går ut frå at «H» står for [Holmedal kyrkje](#), som då høyrde til Skånevik prgj., [men som i dag ligg i i Kvinnherad kommune](#). **Maddela** er ved [teljinga 1865](#) tenestjente på [plassen Søllesvik](#). Her bur òg mor hennar, *Anne Eriksdotter*, som er oppattgift med husmann Lars Andersen. Far til **Maddela** heitte *Jon Jonson*. **Maddela** vart [konfirmert 15. november 1857](#)^[#20].

Når teljaren vitjar [Søllesvik i 1875](#), vert **Ole Thorsen** og **Madela Johnsdotter** registrert saman med dottera **Anne Johanne** f 29/8-, [dpt 13/9-1874](#)^[#27]. Ola er nemnd «*Veiarbeider*». Her bur og mor til Madela, *Anna Eriksdtr*. Bror til Madela, *Ole Jonsen (Søfarende matros)* er òg registrert her. Her finn vi òg son til **Maddela**, *Lars Johan Andersen*, f. utanfor ekteskap 18/1-, [dpt 31/1-1869](#)^[#2].

Dottera **Engel Olene** vert f på Sloke 22/11- og døypt i [Åkra kyrkje juledagen 1876](#)^[#24]. Sonen **Thor Johan** har eg ikkje greidd å finne i kyrkjebøkene, men han er med ved [teljinga 1891](#). Den yngste sonen, **Andreas Olaus**, er fødd 27/10- og døypt i [Avaldsnes kyrkje](#) på Karmøy [31/12-1882](#)^[#100].

Vi lyt til «[Visnes kobberverk](#)» for å finne familien ved neste folketeljing. Huslista finn de [her](#) – personlistene startar med [Ola Toreson](#) og held fram med [Malene](#), [Engel Olene](#), [Thor Johan](#) og [Andreas Olaus](#). Vi legg merke til at familien er medlemmer av «[Methodistsamfundet](#)»** og at husfaren har yrkestittelen «*Barhauer*»- i Gruberne i [Nøklung, Bremnæs](#)». Om han har skrønt seg tre år yngre enn han visseleg er, eller om teljaren hadde kladda utydeleg, det får vi nok aldri svar på.

10. For de i selvstændig eller i underordnet Stilling Erhvervende: Erhvervs-
gren (Hovednæring, Bierhverv) og Stilling i samme.....

Barhauer i Gruberne i Nøklung, Bremnæs

*Innan bergverksdrift var der mange tysk klingande yrkestitlar. Frå 'Leksikon' på nettsida «*Bergverks historie*» finn vi ikkje «*Barhauer*», men [Fyrhauer](#), [Kunsthauer](#) og [Sjakhauer](#) er omtala.

** Methodistkyrkja i Haugesund har si [eiga nettside](#), der ein kan lesa historia før 1982.

8/10- 1892 vert **Ola Toreson Holden** ute for eit «*ulykkestilfelle i Vigsnes grube*». Han vert [gravlagd 15. oktober s.å.](#)^[#1] ved Avaldsnes kyrkje. Enkja **Maddela**, no skrive Malene, og sonen **Andreas Olaus** bur ved [folketeljinga 1900](#) på «Blidensol» gnr 31/12 i [Skåre herad](#). **Andreas** giftar seg i Haugesund [12. august 1916](#)^[#90] med **Bertha Torkelsdotter**. Sonen **Arne Bernhard** kjem til verda 27/9- og vert døypt i Haugesund 2, [juledag 1925](#)^[#165]. **Andreas Holden** døyrr [7/10-1962](#) og **Berta** døyrr [15/11-1988](#). Båe er lagt til kvile på [vår Frelsers gravlund](#) i Haugesund. Dei har etterslekt i Haugesund.

Før vi skundar oss over til omtale av veslebroren, **Peder Toreson**, kan òg nemnast at far deira, **Tore Halsteinson**, hadde ein halvbror, **Ola Halsteinson** f 7/7-, [dpt 23/7-1815](#)^[V side, 2. ovanfrå]. **Ola** er omtala i bolken om Telemark under tittelen «[Målaren frå Sørskogen og sønene hans](#)».

vegarbeidar og jarnvegsarbeidar på Flekkefjordbanen

[Sidan denne saga både har opplysningar frå Hordaland og Vest-Agder plasserer vi ho «i midten», i Rogaland.]

Peder Toreson vart konfirmert, 15 år gamal, i Vestre Slidre prgj. [29. mai 1859](#)^[# 28]. Som storebroren er han ved [teljinga 1865](#) registrert i «Holden», Braute teljingskrins i Røn kyrkjelokn. Han er skriven som «[Dagarbeider](#)».

Marit Jensdotter heiter jenta han vert gift med [27. juni 1874](#)^[#15]. **Marit** vart f i Vistehagin 6. april- og dpt [19. april 1847](#)^[#47]. Der er ikkje notert i kva kyrkje dei ulike borna vart døypte. Foreldra til **Marit** er «Grmd» *Jens Larsen Vistehagen* og kona *Marit Knudsd.* «*Vist*» er skriven som «*Fødested*» då **Marit** vart [konfirmert 27. juni 1861](#)^[#16]. Folketeljaren har i 1865 registrert **Marit**, broren *Ola* og faren *Jens*, nemnd «*Skrædder*», i [Hagen lno 150](#), Rebne teljekrins i Røn sokn.

Då **Marit** og **Peder** vert ektefolk er den fyrstefødde, **Anne**, godt og vel to månader gamal. Ho vart fødd 19. april- og døypt i Røn kyrkje [dagen etter foreldra gifte seg](#)^[#15]. Knapt to år etter, 7. januar 1876 kjem dotter nummer 2 til verda. Ho får ved heimedåp namnet **Marit**. Den vesle jenta dør 28. januar. Det har nok vore vanskar ved fødselen, for **Marit Jensdtr**, mora, dør vel er veke seinare, 15. januar 1876 ^[#10]. Ho er no notert som «*Inderstkone*» på Braaten i Slidre sokn. Både mor og dotter vert jordfesta [30. april 1876](#)^[# 11]. Sidan dei er notert i klokkeboka for Slidre sokn, vil eg tru dei kviler ved Slidredomen.



Illustrasjonsbilete hentafrå nettstaden:
<http://telemarksbilder.origo.no>

Så byter nok **Peder** arbeidsgjevar, for då dottera **Martha** f 7/6-, vert døypt i [Flekkefjord landsokn 22/7-1900](#)^[#19], er faren skriven «*Jernbanearbeider*». [Flekkefjord-banen](#) var denne tida under bygging, og **Peder** hadde nok mykje røynsle frå veganlegg. Dei neste borna vert alle fødde i Flekkefjordområdet: **Edvin Johan** f på [Austad 1. mars-](#), [dpt 30. mars 1902](#)^[#8], **Ole Andreas** f 20/3-, [dpt 24/4-1904](#)^[#13] og **Anton** f 26/1-1906.

Dei fem eldste borna er konfirmert i Flekkefjord. **Bernt** [2/10-1904](#)^[#3], **Anna** [8/10-06](#)^[#34], **Simon** [30/9-1906](#)^[#17], **Martha** [10/10-1915](#)^[#32] og **Edvin** [1/10-1916](#)^[#39]

Ved [folketeljinga 1900](#) er familien å finne på Austad i [Nes herred](#). – Så kjem ei [innførse i kyrkjeboka for Nes sokn i Flekkefjord](#)^[#0] som fortel at «*Jernbanearbeider Peder Holden*», fødd 1843 i Vestre Slidre præstegj., bustad Drangeid, [døydde av «Lungebetændelse» i Arendal 3. mai 1909](#)^[#0]. [Kyrkjeboka for Arendal](#)^[#8] fortel at han døydde på «*Arend Sygehus*», men her er han notert som ugift og med fødestad Flekkefjord.

Hagen 103/164 er bustadadressa for Brynhilde **Elise** og dei fem yngste borna ved [folketeljing 1910](#). Eit oppslag i «*Matrikkelutkaster 1950*» syner at denne eigedomen (*Hagen*) då var ått av **Edvin Holden**, medan ein *Gustav Holden* åtte 103/168 Fagnærnes.

Frå DIS-gravminner finn eg at **Edvin Johan Holden** f 1/3-1902 [døydde 23/12-1976](#) og vart gravlagd ved Haug kyrkje, Øvre Eiker 30/12 s.å. I same grav ligg og Borghild **Holden** (24/2-1902 – 14/1-1984).

DIS-Gravminner fortel òg at **Anton Holden** er [gravlagd](#) på [Søyland gravplass](#) i Flekkefjord i 1995. [Digitalarkivet sin database «Dødsfall i Norge 1995-april2001»](#) fortel at Anton var fødd 25.01.1906 (ein dag skilnad frå kyrkjeboka) og døydde 24.02.1995.

Enkemand, inderst **Peder Thoresen Holden** får i Slidre, [utflyttingsattest til Bergen i 1884](#)^[#16]. **Peder** vert, saman med kona **Brynhilde Elise Endresdtr**, foreldre til sonen **Bernt Immanuel**, f 11. august-, på [Saxeid i Moster sokn](#) i Finnås prgj, [dpt 15. september 1889](#)^[#20] i [Moster kyrkje](#). Giftarmål er ikkje funne i kyrkjeboka. **Peder** er her nemnd som «*Veiarbeider*». Det same er skriven ved dei to neste borna, **Anna Maria**, f 30/5-, [dpt 28/6-1891](#) i [Grimstad](#)^[#12] og sonen **Simon** f 4/7 [og døypt 4/7-1892](#)^[# 26] i [Hisøy kyrkje](#).



Flekkefjordbanen (foto: A B Wilse)

ROLANDSKVADET

Til Utstein kloster – men for seint til å vera munk

(Kan ikkje ha vore munk når han har tre giftarmål å syne til)

Førenamnet **Roland** er det ikkje ofte ein støyter på i Valdres. Ved [teljinga 1801](#) er det fire karar i Slidre- og to i Vang prgj. som er bærarar av namnet. Av [matrikulerte eigedomar 1886](#) finn ein [Rolandsgaarden](#) og [Rolandsbraaten](#) i Slidrebygdene. Dei har nok baa fått namn etter ein Roland.

Karen vi skal slå fylje med i denne stubben kom til verda på [Nordland på Vennis](#) på austsida av Vangsmjøse. Han vart døypt i [Vang kyrkje 7. august 1803](#) [V side, 2.ovanfrå]. Her vert han òg [konfirmert i 1818](#)[#15]. Ein kan legge til at foreldra hans heitte *Roland Larsson* og *Ingebjør Johannesdotter*, og at vi finn dei i [teljinga 1801](#)[#015 og 016]. De kan lesa om «Rolandane» på Nordland i «Valdres Bygdebok – Gardar og slekter i Vang» band B [sidene 67 og 68](#).

[21. juli 1826](#)[#22] er det i kyrkjeboka for «[Domkirken](#)» i Bergen notert ei innflyttingsmelding for «[Rolland Rollandsen](#)», 23 år gamal, innflytt frå «Wang», komen til Bergen «for at tjene». Han har «medbragt Attest» frå [Gamborg](#). Nokre dagar før er òg *Ole Knudsen*(23 år) og *Aslag Tollefsen*(24 år), Vangsgjeldingar som Roland, registrert innflytta i same ærend til Domkyrkjesoknet.

Om **Roland** og **Ingegjær** treftest i Bergen, det seier soga ikkje noko om, men det som er «[sikkert og visst](#)» [eller «*Snickers og Twist*» son den yngre generasjon seier] er at pigen **Ingegjær Jonsdtr** Kjerland af *Gravens præstegjeld, 30 aar* og ungkarl **Roland Rolandsen** Nordland, *huusmand under Udsteen Kloster, 29½ aar*, giftar seg i [Hausken kyrkje*](#), [Rennesøy prgj.](#) i Ryfylke [9. april 1833](#)[#246].

På [Kjerland i Granvin](#) sokn, Ulvik prgj. vart **Ingegjær** f 16/12-1802. Ho vart døypt i [Granvin kyrkje 23. januar 1803](#)[Hside, Vspalte, 1.dåp ovanfrå] og [konfirmert 18. oktober 1818](#)[Hside,Hspalte,Piger #4]. Foreldra henner heitte *Jon Olson* og *Ingebjørg Sjursdotter* og kan finnast i [FT1801 som #011 og #012](#).

Den fyrstefødde får namnet **Roland Johan**^{E1}. Han vert f 2. april- og døypt «i kirken» [4. mai 1834](#)[#594]. Det neste barnet, **Lars**^{E2}, vert f 14.- og døypt [18. desember 1835](#)[#673] i [Kloster kyrkje](#) på Rennesøy. Han står til [konfirmasjon 12. oktober 1851](#)[#10].

Det var nok meininga at **gutane** skulle få fleire sysken, men **Ingegjær** [døyr 27. april 1840](#)[#10]. «*Død paa barselseng uden at bl. Forløst*» seier kyrkjeboka. Ho vert gravlagd 3. mai s.å. i Rennesøy prgj.

Så går den halvtanna år, og Roland er brudgom for andre gong [27.august 1841](#)[#10]. Denne gongen er brura **Marte Olsdtr** f ikr. 1815 på [Haugvaldstad](#) i Rennesøy. Den fyrste barnet vert ei jente, f 17/1-1842. Ho får namnet **Inger**^{E3}, truleg ei oppatkalling av Ingegjær, fyrste kona til Roland. **Inger** vert [konfirmert i Rennesøy 12. oktober 1856](#)[#17]. **Ole (Olaus)**^{E4} vert f 14/1- og [dpt 3/3-1844](#)[#9]. Han vert [konfirmert 10. oktober 1858](#)[#37]. **Morten**^{E5} ‘*minstemann*’ (*Martin*) opnar augo mot verda 23. mai – og vert [døypt 3. juni 1846](#)[#61]. Konfirmant er han [7/10-1860](#)[#4]. **Morten** er berre knapt to år gamal då han vert morlaus, **Marte Olsdtr** døyr 30. januar- og vert jordfesta ved Utstein kloster [27. februar 1848](#)[#6].

I motsetnad til Jakob Sande sine «*To bønder*», som i diktet «[Drama](#)» går inn i [det fjerde](#), tek **Roland Rolansson** steget inn i [det tredje](#) ekteskapet [13. oktober 1859](#)[#11]. Dette ekteskapet ser ut til å vera barnlaust, brura, **Marta Hansdtr** frå [Asmervig](#), var om lag 43 år då dei gifta seg. Vi finn paret på *Udsteens Kloster* ved [folketeljinga 1865](#) saman med tenestjente Ingeborg Larsdotter og «[Logerende](#)» Ingebor Bjørnsdotter. Ti år seinare er dei registrert på [Kloster lno 102 a.f.](#)

Ved barnefødsalar og folketeljingar har **Roland Rolandsen** vore nemnd som husmann. Boka «[Utstein Kloster – Livet på den gamle Slektsgården](#)» har på [side 102](#) avskrift av [bygselkontrakt](#)a mellom eigaren, *J Garmann*, og **Roland Rolandsen**.

Roland døyr 27. juni- og vert [gravlagt 3. juli 1890](#)[#1] ved Utstein kloster.

Roland Johan^{E1}, eller *Johan Roland/Johan Kloster* som han òg vert skriven, finn vi ved [FT1865](#) som «*Logerende, Styrmann*» på [Omre](#) lno 505a i Eide sokn, [Hommedal prgj.](#) i Aust-Agder. Den [5. desember 1866](#)[#6] giftar han seg i [Eide kyrkje](#) med **Johanne Mathilde Olsdtr**. Ho er dotter til ‘skipper og gårdbruger’ *Christoffer Olsen* og kona *Christiane Andersdtr*. Ho vart fødd 17. mai- og [døypt 11. juni 1846](#)[#5] i Eide kyrkje. Her vart ho òg [konfirmert 7. oktober 1860](#)[#1].

Johanne Mathilde og **Johan** vert foreldre til dottera **Anna Casandra**^{E11} f nyårsdagen og [dpt 30. januar 1870](#)[#3] og sonen **Robert Emil**^{E12} f 9. april-, [dpt 9. mai 1873](#)[#5]. Så fortel kyrkjeboka at «Lærer Anstensen i Grimstad har anmeldt» at Skipper **Johan Roland Kloster** «døde paa Sygehus i Rio de Janeiro [af Gule Feber](#) pr Telegraf» [11. april 1889](#)[utan nr]. Ikkje opplyst kvar han er gravlagt.

* Namnet er truleg opphav til ein av partnarane i eit [importselskap for landbruksutstyr og traktorar](#). Ein kunde i Valdres var svært missnøgd med servicen selskapet gav den nye «jarnhesten» som kom til gards – og døypte dei om til «Eik & Fusken»

I Stavanger vert *Karen Johansdtr* og *Ole Olson (Høye)* foreldre til ei lita jente. Ho får ved [dåp 1/12-1833\[#4\]](#) namnet **Anne Marthe**. Ho er godt og vel 25 år gamal då ho i [Stavanger Domkyrkje](#) står [brur 9/12-1858\[#111\]](#) og brudgommen er **Lars Rolandson^{E2}**, (*Lars Kloster*) som nok «har *gjort sine hoser grønne*» i byen som ikr. 120 år seinare vart [den norske «Oljehovudstaden»](#).

Anne Marthe og **Lars** får borna: **Reinert Johan^{E21}** f 9/2-, [dpt Stavanger 27/2-1859\[#84\]](#). Så ser det ut til at familien flytter til [Sand i Suldal](#), dei neste borna er døypte der. **Kajus Johan^{E22}** f 7/12-, [dpt.25/12-1861\[#57\]](#). **Inger Karine^{E23}** f 14/4-, [dpt 14/5-1863\[#20\]](#). **Johan Olaus^{E24}** f 2/10-, [dpt 11/11-1864\[#63\]](#) og **Lauritz Anton Martin^{E25}** f 30/2-, [dpt 28/6-1868\[#33\]](#). – Ved [teljinga 1865](#) er familien registrert på [Sands Strandsted](#) i Sand prgj. (i dag Suldal kommune). **Lars** driv som blikkenslager.

[Amerikafeberen](#) har nok råka blikkenslagaren og familien hans, utflyttingsattest vert skrive ut [15. april 1871\[nedst\]](#), og [27 april reiser dei med skipet «Undine»](#) med kurs for Quebec. Eg meinte å hugse at *Jillian Kloster*, etterkomar av **Lars Kloster**, hadde spørsmål om ‘Vangsgreina’ si på ancestry.com sitt «[Message Board](#)» nokre år attende. Ho var også innom «[Norwayheritage](#)» og har sidan laga ei nettside på «[Tribalpages](#)» (*utan at eg går god for innhaldet som der vert framsynt.*)



Stavanger Domkirke - *illustrasjonsfoto*
©Tourist Photo Willy Haraldsen

Til liks med halvbroren **Lars** tek også **Inger Rolandsdtr^{E3}** turen til Domkyrkja i Stavanger for å [gifte seg, 22/4-1877\[#22\]](#).

Ektemake vert gullsmedsveinen **Andreas Nilsen**. Han var f 2/11- og døypt i Domkyrkja [19/11-1854\[#414\]](#), son til [rebslager Christian Ludvig Nilsen](#) og *Anne Aanensdtr*.

Inger og Andreas vert foreldre til **Kristian Ludvig^{E31}** f 15/1-, [dpt 3/2-1878\[#28\]](#), [konf 24/2-1892\[#28\]](#) og **Andreas Ingvald^{E32}** f 4/1-, [dpt 1/2-1880\[#5\]](#), [konf 1/4-1894\[#38\]](#).

Ved [teljinga 1885](#) bur dei i 3^{dje} rode no. 750, og [i 1900](#) er **Inger** og sønene registrert i [Løkkeveien](#) 106 i Stavanger.

Ole eller **Olaus Rolandson^{E4}** flytter òg til Stavanger. I [FT1865](#) er han «Skomagersvend» og bur i Østervaags rode. Etter «regelverket» på Wikisida kan han nok ikkje kalle seg [Siddis?](#) Ho som [16. november 1871\[#37\]](#) vert kona hans, **Kirsten Serine Torbjørnsdtr**, er tilliks med **Olaus** fødd på Rennesøy. Dei får to søner, **Randulf Martinus^{E41}** f 13/3-, [dpt 28/4-1872\[#74\]](#) og **Theodor Helmer^{E42}** f 10/2- dpt i [St. Petri krk 7/3-1875\[#93\]](#). Gutane vert snøgt morlause. **Kirsten Serine** [døyr 18/11-](#) og [vert gravlagd 24/11-1875\[#136\]](#).

I [Selfjord, Flakstad i Lofoten](#), kjem ei lita jente til verda 10. mai 1857. [12. juli s.å.#25](#) får ho namnet **Engine Christine Helt** ved døypefonten i [Flakstad kyrkje](#). Foreldre er «*Gdmd Christen Bertelsen, h(ustru) Bolette Jeremine Nielsdtr Saxffjord*» [Ved FT1865](#) bur dei på «Beskøen» i Bodø landsokn, [ti år seinare i «Kvartal 4»](#) i Bodø kjøpstad. Ho vart [konfirmert i Bodø 10/9-1881\[#30\]](#).

Ni år seinare er **Engine** komen til Stavanger, [3. desember 1880\[#61\]](#) vert ho, i Domkyrkja, gift med enkjemann **Olaus Rolandson**. Han har [lagt fram skifteattest](#). – Ved [FT1885](#) bur dei i 8.Rode nr.1519. [Då teljaren kjem kring nyår 1900](#) bur dei i [Asyl- og Nyegaden](#) nr 17. Dei har flytta til St. Hansgate 38 ved [teljinga 1910](#).

Desse borna er funne i KB: **Karl Bertinus^{E43}** f 18/8-, [dpt Domkirken 4/9-188\[#73\]](#), [konf St. Petri 6/9-1895\[#39\]](#). **Olea Kathrine^{E44}** f 18/9-, [dpt St. Petri 18/11-1843\[#198\]](#), [konf St. Petri 3/10-1897\[#26\]](#). **Nikoline Marie^{E45}** f 12/3, [dpt St. Petri 14/7-1886\[#46\]](#), [død 20/7/1892\[#49\]](#), begr St. Petri 27/7 s.å. **Bernhard Julius^{E46}** f 2/2/-, [dpt St. Petri 3/3-1889\[#19\]](#), [konf 4/10-1903\[#38\]](#). Der er i samband med dåp notert at han fekk [løyve til namneendring frå Rolandsen til Roland](#) frå Justisdept. 15. desember 1960. **Rosemine Johanne^{E47}** er f 3/7, [dpt St. Petri 16/8-1891\[#71\]](#), [konf Domkyrkja. 22/4-1916\[#48\]](#). **Fredrik Christian^{E48}** er f 19/9-, [dpt St. Petri 26/12-1894\[#114\]](#), [konf Domkrk. 3/10-1909\[#35\]](#). Løyve til å endre etternamn til *Roland* gjeve 19. mai 1931. Til sist kjem **Lars Martinus^{E49}** f 12/11-1897, [dpt St. Johannes 22/2-1898\[#35\]](#), [konf St. Petri 12/5-1912\[#50\]](#), død 7/9-1993, [gravl 11/9 s.å på Tjernsvoll gravpl., Stavanger](#).

Morten/Martin Rolandson^{E5} finn seg kone på Karmøy. Det er **Maren Kirstine Pedersdtr** som kom til verda på [Nalei i Skudesnes](#) prgj 22/11-, dpt i [Falnes kyrkje 2/12-1855\[#151\]](#) og [konfirmert 2/11-1870\[#19\]](#). Ho var dotter til *Peder Anderss.* og *Karine Kristensdtr*. Maren Kirstine og Morten vert gifte i Domkyrkja i Stavanger [25. mai 1879\[#23\]](#). **Martin** er registrert på Asmervig i Rennesøy ved [FT1865](#). Ein finn **Martin** som «Søhusdreng» ved [FT1875](#) på Skagen 436 i Stavanger. Ved [FT1885](#) bur familien i 7. Rode i Stavanger[#015,016]. Ved [FT1900](#) finn ein «Pakhusmand» **Martin** i [Møllegaden](#) 76. No er kona nemnd som **Serine**, f 1853 i Avaldsnes prgj. Ved [teljinga i 1910](#) er kona skriven **Marta**, f på [Vormedal](#)

23/6-1853. Avaldsnes KB fortel at ei **Marta Serine** vart f 23/7-, [dpt 7/8-1853](#) [#124]. Men eg har hittil ikkje greidd å finne dødsfall / ekteskap i kyrkjebøkene for å underbygge dette.

Eldstebarnet til **Maren Kirstine** og **Martin, Robert Malis**^{E51} er f 10/1- og [dpt 25/1-1880](#) [#24] i Skudesnes. **Karen Endrene**^{E52} har eg [funne berre i FT1885](#). Foreldra bur i Møllegaden då sonen **Peder Naleid**^{E53} vart fødd, 8/8-1884. Han vart [dpt i Domkyrkja 24/8 s.å.](#) [#70]. Yngste barnet får namnet **Margit Dagny**^{E54}. Ho vart f 5/12- 1886 og [dpt i Domkyrkja 30/1-1887](#) [#11].

Då har vi lista opp borna og *borneborna* til **Roland Rolandson**. Vi kan vel ta med litt til om eit par-tre av dei. – **Anna Kasandra Kloster**^{E11} giftar seg 1. april 1896 [#14] i [Gamle Aker kyrkje](#) med [cand. theol. Knut Britanus Saure](#) - (også [innført i Eide KB](#)). Han er son til *Ole Olson* og *Ragnild Olsdr* og vart f 18/12-1876 på [Saure i Hjørundfjord](#) prgj. på Sunnmøre, [dpt 17/1-1964](#) [#5] og [konfirmert i 6. oktober 1878](#) [#11]. Sidan [Storfjord kyrkje](#) fyrst vart bygd ikr. 1920, om ein skal tru Wikipedia, lyt **Knut** vera både døypt og konfirmert i [Hjørundfjord kyrkje](#) på Sæbø.

Ved [teljinga 1900](#) bur **Anna** og **Knut** i «Stor Gade 57» i Grimstad. Mor til Anna, Mathilde Kloster, bor òg her. Nettsida [aaks.no](#) fortel at Knut Britanus [vart tilsett ved Dahlske skole i Grimstad i 1895](#). Sidan var han i Talvik i Finnmark og kom i 1909 som sokneprest til [Hosanger på Osterøy](#). [FT1910](#) syner at familien bur på prestegarden, og at «bedstemor» **Mathilde Kloster** er i lag med dei. **Anna Kasandra** [døyr 15/9-](#) og [vert gravl. ved Hosanger krk 19/6-1911](#) [#9]. Mor hennar, Johanne **Mathilde** døyr på Haukeland sjukehus 8/11-1914 og vart [gravl. på «sognepr. Saure gravsted, Hosanger 12/11 s.å.](#) [#16].

Veslebror til *Anna Kasandra*, **Robert Emil Kloster**^{E12} giftar seg i [Johannes kyrkje, Kristiania, 12. august 1900](#) [#105] - Vigsla er også ført i kyrkjeboka til [Johanneskirken i Bergen](#) [utan nr]. **Robert Emil** er skriven «*Læge – Bergen*». Ektemaken **Alette Wisener** er f 20/3-, dpt [Domkirken, Bergen 25/7-1873](#) [#124] og konfirmert i [Mariakirken 13/4-1890](#) [#2]. Ho er dotter til *Læge Joachim Georg Wiesener* og *Alette Helene Mohr*.

[Østre Muralmenning](#) 13 i Bergen kjøpstad er adressa det ekteparet vert notert ved [FT1900](#). Neste teljing, ti år seinare, syner [familien med adresse Torvalmenningen 14](#). «Ringene er slutta», [barnebarnet](#) er attende i byen dit bestefaren kom frå Vang «for at tjene». Databasen til «DIS-Gravminner» fortel at **Robert Kloster** [døyr i 1947 og er gravlagd på Møllendal](#) gravpl. i Bergen. [Bokmerket hans](#) er å finne på Bergen folkebibliotek si «[Ex Libris](#)»-samling.

Robert Malis Rolandsen^{E51} finn vi hjå foreldra i 7.Rode i Stavanger ved [FT1885](#). Han er òg rekna saman med foreldra ved [FT1900](#). Han er då «[Typograf](#)». Han må på det tidspunktet vera gift med **Hilda Josefsen**. Vi finn [familien ved FT1910](#) på [Egenæs i Stavanger](#). Dei er foreldre til dottera **Klara Marie** som vart [døypt i Domkirken 12. mai 1900](#) [#80]. Ho vart fødd på Bakkesand 15. april 1890. Dottera **Gudrun Marie** f på Kalham 4/3-, vart [dpt i Domkyrkja 13/4-1903](#) [#38]. Det er truleg henne vi finn [gravlagt på Eiganes gravpl. 3/10-1944](#). Sonen **Einar Rolandsen** er f på Kalham 2/11- og [dpt i Domkyrkja 22/12-1907](#) [#183]. Han finn vi og [gravlagt på Eiganes, 24/11-1993](#).

Det er fleire profilar på «GENI» som har med presten **Knud B Saure**. M.a. finn vi på [denne nettstaden](#) eit oversyn som viser at presten var gift fire gonger. Bestefar til fyrste kona hans makta tre ekteskap. Tru om presten tenkte, slik mange [gilde Sunnmøringar](#) har ein hang til å gjera: «*Eg greidde meir!*».

– Litt humoristisk kan ein vel seie om karane om lag slik «[Hårek den Hardbalne](#)» sa om hunden sin «Fenris»: «*Han er ein støvar etter kvinnfolk*» !

For **Rolandsen** har eg sett ein [profil på GENI](#) som syner vidare til ein annan på [My Heritage](#).

Eg let [oppmodinga til Lars Ove Wangensteen](#) gå vidare til brukarar av ovannemnde sider – og til det eg og andre har skrive. Sjekk kjeldene – så mange som råd – skriv ikkje av andre- eller tredjehandsopplysningar ukritisk.

Ein får åtte, hin får ingen – «Storeslem og Lilleslem» Eit lite tjuvlån frå [Arulf Øverland](#), men slik er vel '[Livsens Danseskule](#)'


Mykje tyder på at «Ungkarl **Gudmund Halvorsen**», 27½ år gamal, [giftar seg 29. desember 1841](#)^[#31] i Skudesnes med p(ige) **Anne Marthe Ambjørnsdtr** - det er ikkje lett å skjønne kva kyrkjebokskrivaren har meint med ulike datoar og årstad i «Vielsesdag»-rubrikken. Men sidan fyrste barnet kjem til verda i januar 1842, reknar eg med at paret gjorde unna bryllaupet innan nedkomsten.

Kyrkjeboka fortel at **Gudmund** var fødd på «[Gaarden Fere i Slidre](#)» og har tilhald på [Hoinæs](#). Han vart f 30/12-1815 på Fere i Røn og [døyp 11/2-1816](#)^[#19]. **Gudmund** har m.a. ein eldre bror, **Halvor**, f 22/5-, dpt i [Røn kyrkje 30/5-1813](#)^[V side, 5. nedanfrå]. Foreldra til gutane er «[huusfolk](#)» [Halvor Halvorson](#) og [Alis Gudmundsdr.](#)

Kven av gutane som kjem fyrst til Karmøy er ikkje råd å finne ut av. Ingen av brørne er nemnde i innflyttingslistene. **Halvor** finn seg òg kone i nærområdet. Han vert gift [6. mai 1847](#)^[#10] i Skudenæs prgj. Den utkåra er *pige* **Guri Johnsdtr Kallesteen** og er f ikr. 1798 på [Falnæs](#) (*etter alder oppg. v vigsla*). Dei er baa [registrert i 1865](#) i *Viig, lno 447* (Vik) i Skudenæs. **Halvor** er skriven «Husmand og Daglønner». «Husmdskone» **Guri Johnsdtr** døyr [2. oktober 1879](#)^[#33] i Vik. Ho vert gravlagd ved Falnes kyrkje 8. oktober s.å. Her fortel KB at fødselsåret hennar er 1795. **Halvor** er nemnd som «*Enkem. Fattiglem*» då han døyr i Vik [5. november 1892](#)^[#15]. Han vert lagt til kvile ved [Falnes kyrkje](#) 11. november s.å. – Det ser ut til at paret var barnlause.

Anne Marthe var fødd på [Haga](#) ikr. 1812 (*etter notering v. gravferd*). Ho var dotter til *Ambjørn Pedersen*. Kyrkjeboka for Skudenes (1770-1842) er ført på ein uvanleg måte, men eg vil tru at foreldra til Anne Marthe er nemnde på [nedre del av side 185](#), *Ambjørn Pedersen / Marte Jensdotter*.

Anne Marthe og **Gudmund** finn vi på [Vikre lno 264](#) i Skudenes både ved teljinga [1865](#) og [1875](#). Dei hadde inga lang ventetid mellom bryllaup og barnefødsel. 18. januar 1842 kjem den fyrstefødde, ei jente. Ho får [30. januar s.å.](#)^[#15] namnet **Eliasine**^{G1}. Ho vert konfirmert i [Akre krk. 7. desember 1856](#)^[#37]. Så kjem **Hans Andreas**^{G2} f 23/4-, dpt i [Ferkingstad krk. 14/5-1843](#)^[#76]. Han vert konfirmert i Akre krk [31/10-1858](#)^[#11] og døyr, berre 24 år gml, på [Vikre](#) i Ferkingstad sokn [8/9-1867](#)^[#22]. Han vert gravl. 12/9 s.å. **Anne Marie**^{G3} f 4/7-, [dpt 13/7-1845](#)^[#117], konfirmert i Akre krk. [13/11-1850](#)^[#61]. **Ambjørn**^{G4} f 30/1-, dpt Akre krk. [7/2-1847](#)^[#17], konf. Akre krk. [17/11-1861](#)^[#31]. **Martha Gurine**^{G5} f 1/6-, dpt Ferkingstad krk. [16/6-1850](#)^[#90], konf. Akre krk. [15/10-1865](#)^[#29], død av «*Strubehoste*» på [Vikre 13/2-1877](#)^[#4], gravl ved Ferkingstad krk. 19/2 s.å. - No vert det eit brot i 'kjønnsfordelinga' barneflokk, hittil har det veksla mellom jente- og guteborn. **Elen Margrethe**^{G6} f 12/3-, dpt Ferkingstad [28/3-1852](#)^[#34], konf Ferkingstad [7/10-1866](#)^[#42]. Nestemann kjem knappe to år seinare, **Jens**^{G7} f 16/11-, [dpt 10/12-1854](#)^[#161], konf Ferkingstad [10/10-1870](#)^[#36], død av «*Tæring*» [7/9-1881](#)^[#69], gravl. 13/9 s.å. Den siste eg har funne i KB er **Anne Pedernelle**^{G8} f på [Vikre 14/7-](#), [dpt 19/7-1857](#)^[#82], død etter «*13 uger*» [15/10-1857](#)^[#44], gravl 22/10 s.å. – Ingen av foreldra til Gudmund er oppattkalla, i alle fall ikkje med anna enn førebokstav.



Gudmund Halvorsen vert sjølveigar 4. februar 1858. Då får han [tinglese Auksjonsskjøte på bruket Vikre](#), lno 264 i Ferkingstad sokn, Skudenes tinglag. Skjøta er datert 30. januar s.å. Han overlet til sonen **Ambjørn**^{G4} 1/10/1884. [Denne kjøta vert tinglyst 6. oktober](#). Ved overgang til «den reviderte matrikkelen» fekk bruket gardsnr 32, bruksnr 14. **Ambjørn** sel bruket vidare til *Knut A Sandhaaland* for kr. 2000. Grunnboka fortel at [Skjøta er datert 16/7- og tinglese 23/7 1897](#).



Då er tida komen for å sjå litt nærare på nokre av borna til **Anne Marthe** og **Gudmund**. Dottera **Eliasine**^{G1} giftar seg i Ferkingstad kyrkje [19. august 1868](#)^[#27] med skomakar **Jakob Jakobsen**. Han vart [fødd i oktober 1841](#)^[#2]. Foreldra hans er «*Strandsitter*» *Jakob Johnsen* og *Christine Christensdtr*. **Eliasine** og **Jakob** kan ynskje ei dotter velkomen til verda 29. juli 1878. Ho får [4. august s.å.](#) ^[#98] namnet **Berthine**. Ho får berre vel 12 år saman med foreldra. Ho døyr av «*Lungebet.*» [7. mai 1891](#)^[#8] og vert gravlagd og jordfesta ved Falnes kyrkje 14. mai s.å. Jakob er då nemnd «*Landhandlar*». Ved [teljinga 1900](#) finn vi **Eliasine** og **Jakob** i Vik, gnr 47 i Skudenes herad. Dei har då [fosterdottera Johanna Josefsen Vik](#) f 1885 buande hjå seg.

Anne Marie^{G3} finn saman med «[Sømand](#)» **Didrik Laurits Knutson**. Dei feirar bryllaup [21. mars 1873](#)^[#5]. Didrik Laurits var fødd på [Nalei under Sørhaaland](#) 20. mars- og dpt i Skudenes [28/4-1850](#)^[#61]. Han vart confirmert i Falnes krk [9/10-1864](#)^[#16]. Far hans var [los](#) og husmann *Knut Knutson* og mora heitte *Oline Jakobsdotter*.

Ved [teljinga 1875](#) bur **Anne Marie** og **Laurits** på søre Haaland lno.304a i Skudenes herad. Dei har då sonen **Carl Olai** f 26/11-, [dpt 5/12-1875](#)^[#167]. Han vert [confirmert 31/8-1890](#)^[#4]. Han får etter kvart desse syskena: **Hans Andreas** f 15/7-, dpt [Olsokdagen 1877](#)^[#89] og konf. i Falnes krk. [11/10-1891](#)^[#5]. **Jakob** f 15/9-, [dpt 3/10-1881](#)^[#147], konf. Falnes krk. [29/9-1895](#)^[#2]. **Jens** f 24/11, dpt i Falnes krk. [6/12-1882](#)^[#22]. **Ludvig Olaus** f på Nalei 5/8-, dpt Falnes [5/9-1886](#)^[#18] og Lovise Amalie f i Vik 4/1-, dpt Falnes [18/1-1891](#)^[#1]. Ei [nettside med utdrag frå bygdebøker for Karmøy](#) fortel at familien emigrerer til USA. **Didrik** reiser i 1894 og resten av familien i 1896.

Då dei pakka saman og drog ut på den lange reisa mot vest var *båe foreldra* hennar **Anne Marie** å finne på kyrkjegarden. **Gudmund Halvorson** [døydd 28. februar 1887](#)^[#0] på Vikre og vart gravlagd ved Ferkingstad kyrkje 6. mars s.å. – Kona hans, **Anne Marthe**, [døydd på Velde i Avaldsnes prgj. 21. mars 1896](#)^[utan nr.], gravferd er notert 6 dagar seinare.

Ambjørn Gudmundson^{G4} fekk som tidlegare nemnt, [skjøte på Vikre 1/10-1884](#). Han gjekk inn i ektestand [24. november 1869](#)^[#39]. Kona heiter **Anne Serine**^{*} **Eriksdtr**, dotter til *Erik Jakobsen frå Syhre* og kona, *Malene Mikaelsdtr. Anne Serine* var f på [Syre 13/4-](#) og dpt i Skudenes [28/4-1844](#)^[#60]. Ho og **Ambjørn** gifta seg i Skudenes [24/11-1869](#)^[#39]. Ved [teljinga i 1875](#) finn vi **Ane Serine** [*Gudmuns SøneKone*] og dottera, **Engebør Lisabet**^{G41}, hjå svigerforeldra på Vikre, lno 264 i Skudenes. **Ambjørn** [*Ane Serines Mand*] er notert som «*Matros, rømt for 4 Aar siden*». Kva som gjorde at han rymde frå området fortel teljinga ikkje noko om. Vi veit heller ikkje om matrosen var på jordomsegling, eller berre «[låg lågt i lendet](#)», men han lyt i alle fall ha kome attende ikr. desember månad 1879. Dette fordi han - 16/8-1880, vert far til guten **Hans Andreas**^{G42}, som vert [døyp i Ferkingstad kyrkje 29/8 s.å](#)^[#28]. Dottera **Elen Jakobine**^{G43} vert f 9/12-, og [dpt 'juleftan' 1882](#)^[#19]. Om dei song «*Et barn er født i Bethalem*» i Ferkingstad kyrkje den kvelden, veit eg ikkje, men **Elen Jakobine** var fødd på Vikre. [Ved teljinga 1891](#) er to menn og fire kvinner i hushaldet. [Personsedlane](#) finn vi frå [nr1](#) t.o.m [nr.6](#). Som vi før har nemnt, flytter familien frå Vikre kring 1896. Sidan mor hans truleg er med på «[flyttelasset](#)», ho døyr på Velde i Avaldsnes, har dei nok reist innan skjøta på Vikre vert datert i 1897. Ved [teljinga 1900](#) er dei registrert på Nygaard under gnr 29/2 i Avaldsnes, [i 1910](#) på Velde søndre – gnr 29/1 i Avaldsnes. Ser vi på [tinglyste dokument](#) er **Ambjørn** nemnd fleire gonger på [Velde søndre](#) i siste halvdel av 1890-åra. Etter lensmannen in dødsfallsprotokoll døyr **Ambjørn 7. februar 1920**^[#3]. Dei tre borna, alle med «Bopel» **Fiskaa**, er nemnde som arvingar.

Kyrkjeboka fortel at **Ingeborg Lisabet**^{G41} gifta seg i Ferkingstad krk [11/3-1891](#)^[#2] med [smed Anders Knutson](#). Han smidde sikkert [medan jarnet var varmt!](#) – Men eg har ikkje greidd å finne dei i FT1891. Då ho giftar seg opp att med lausarbeidar **Torbjørn Johannesen**, [8. november 1894](#)^[#23] er det notert at «*1^{ste} mand død i desemb. 92 i ..?. Skifteatt 27/10-94*». Torbjørn var f på [Våge 18/5-](#) og [dpt 28/5-1855](#)^[#69] i Avaldsnes. Han var son til *Johannes Larsen Vaage* og *Margrethe Olsdtr*. Ved [FT1900](#) bur dei på [Fiskaaen](#) under gnr 31/1, ved [FT1910](#) på Soldal, [Fiskaaen 31/8 i Avaldsnes](#). DIS-gravminner syner at **Torbjørn døyr 15/7-1938** og **Ingeborg Elisabeth døyr 14/4-1963**, 93 år gamal.

Ungeflokken deira veks jamt og trutt. Eldsteguten, **Alfred** er f 15/5-, [dpt 9/6-1895](#)^[#26]. Så kjem **Johan Magnus** f Vaage 16/11-, [dpt 12/12-1897](#)^[#38]. Tredjemann, **Arne Severin** f Fiskaa 30/8-, [dpt 8/10-1899](#)^[#27]. Fyrste jenta, f 2/10- får [31/12](#)^[#22] i [sjølvstendeåret 1905](#) namnet **Ingeborg Elise**. **Anna Marie** vert f 28/6- og [dpt 28/7-1907](#)^[#19]. **Tora Serine** f 17/8-, får [19/9-1909](#) ^[#25] eitt av namna til mormora. Flokken vert avrunda med sonen **Toralv** f 2/8-, [dpt 20/8-1911](#)^[#20].



Landhandel
Illustrasjonsfoto
Lånt frå «[iloapp.mc-tourer.com](#)»

I [Tysnes prgj.](#) vert landhandlar *Aksel Halvardson* og kona *Stine Jonsdtr* foreldre til ei lita jente 8/11-1870. [20/11 s.å.](#)^[#116] får ho namnet **Else Marie**. Ved [FT1875](#) bur dei på [Næshavn](#) lno 57^{bc} i Tysnes. Ho vert confirmert i Gjerde sokn, Etne prgj. [11/10-1885](#)^[#4]. Ved [FT1900](#) er familien flytta til Karmøy, og **Else Marie** er krambujente. Eg vil tru **Hans Andreas Ambjørnson**^{G42} ofte hadde [ærend](#) innom krambua, men kor dyrt krambujenta selde seg, fortel korkje folketeljningar eller kyrkjebok! Eitt er sikkert, [dei vert ektefolk 26. januar 1901](#)^[#3]. [I 1910](#) bur dei på Gjerdsvik/Fiskaaen 31/9 i Avaldsnes. **Hans Andreas** er nemnd som landhandlar og [teglverks](#)arbeidar. Dei tek òg imot losjerande.

Axel Meidel er namnet det fyrste barnet får, [1/9-1901](#)[#40]. Han var f 24/7 s.å. Han er nemnd som **eigar av Gjersvik gnr. 31/9** ved Matrikkelutkastet 1950 - (sjå [Grunnboka side 842](#)). Så vert farmor **Anne Serine** oppattkalla. Dette hender [12/4-1910](#)[#10], ho var f 31/1 s.å. **Stine Malene**, oppkalla etter mormor, får namn [26/6-1905](#)[#12], f 24/4 s.å. - Så kjem tre gutar, **Albert Johan** f 23/3-, dpt [14/4-1907](#)[#9], **død 2/12-1987**, **Edvin Harald** f 15/2-, dpt [8/4-1909](#) [#6] og **Hjalmar Tonning** f 25/2-, dpt [9/4-1911](#)[#5]. Yngstemann kjem til verda 30/12-1913 og vert døypt **Lars 25/1-1914**[#1].

Elen Jakobine^{G43} vert [3. november 1906](#)[#15] gift med «Sjømand» **Fredrik Kornelius Kolsto**. Han er son til «strandsitter» **Ole Østensen** og kona **Aaseline Knutsdtr.** Han vart f 22/6- og døypt i Avaldsnes [20/7-1879](#)[#89]. Her vart han òg [konfirmert 1/10-1893](#)[#24]. Teljaren har vore innom dei - på Velde søndre gnr 29/1 **i 1910**. Dei nådde baa høg alder, og kviler no på Avaldsnes kyrkjegard. **Fredrik Kornelius** døydd [5/8-1868](#) og **Elen Jakobine** (*registrert som Ellen Marie*) [2/5-1882](#).

14/7-1907 vert dei foreldre til dottera **Agnes**, dpt [4/8 s.å.](#)[#20]. Så kjem **Signe Amanda** f 9/5-, dpt [30/5-1909](#)[#16], **Olav Severin** f 5/6-, dpt [16/7-1911](#)[#14], **Alv Gerhard** f 25/4-, dpt [11/5-1913](#)[#10], **Sofie** f 15/8-, dpt [29/10-1916](#)[#30], **Fredrik Emil** f 24/10-, dpt [1/12-1918](#)[#35], **Edvin Jakob** f 11/1-, dpt [6/3-1921](#)[#8]. Den yngste, **Ingolf Martin** vart f 28/4- og dpt [3/6-1923](#) [#18].

Elen Margrethe^{G6} fann seg ein Gausdøl til ektemake. [5. november 1872](#)[#43] giftar ho seg i Skudenes med «veierbeider» **Kristian Olsen** Frøsen. Han var f 3/10-1842 på plassen **Syverud** under Leikvam i **østre Gausdal**. **Gausdal kyrkje** var åstad både for dåp, [16/10-1842](#)[#144] og [konfirmasjon 19/4-1857](#)[#43]. Foreldra hans heitte **Ole Kristenson Myre** og **Anne Amundsdr.**

Ved [teljinga i 1875](#) bur paret på Haugen under **Vignæs** saman med døtrene **Anne Gustine**^{G61} f 23/7-, dpt i Avaldsnes [17/8-1873](#)[#100] og **Alene Ovidia**^{G62} f 9/3-, dpt [11/4-1875](#)[#45], [konf 6/10-1889](#)[#29]. **Hans Andreas** vert f 4/2- og dpt [14/4-1878](#)[#45]. Han døyr som spebarn [23/7-1878](#)[#39]. Det der no ut til at **Visnes koparverk** er arbeidsplassen til Kristian. Så kjem ein ny gut, f 10/3-, dpt [13/4-1879](#)[#43], han får òg namnet **Hans Andreas**^{G63}. Eit knapt år etter vert **Elen Margrete** enkje. Verksarbeidar **Kristian Olsen** døyr av «Tæring» [12/1-1880](#)[#9]. Han vert jordfesta 14/3 s.å.

Anne Gustine^{G61} vert [konfirmert 2. oktober 1887](#)[#47]. Vel fem år seinare, [27. mai 1893](#) [#11] giftar ho seg med «værksarbeider» ved Vignæs, **Nils Olai Knudsen Eike**. Han er f 24/9-, dpt [29/10-1871](#)[#103] og konfirmert [4/10-1885](#)[#32]. Foreldre er **Knut Knutson Eike** og **Daarte Oline Gabrielsdtr.**

Alene Ovidia^{G62} fekk kanskje litt assistanse på kjøkkenet. Valet hennar til ektemake fall på «**stuert**» **Gunnar Samuelson Levang**. Dei gifta seg i Haugesund [12. oktober 1895](#)[#14]. **Gunnar** var f 2/7- og dpt [6/8-1876](#) i **St. Petri kyrkje** i Stavanger. Foreldra hans var «bagersvend» **Samuel Gundersen Levang** og **Anne Sofie Svendsdtr Stangeland**. Ved [teljinga 1910](#) held **Alene** og **Gunnar** til i Haraldsgt. 10 i Haugesund. Dei vart foreldre til sonen **Sigurd Aleksander** f 16/11-189, dpt [2/2-1896](#)[#21]. Etter DISgravminner er **Gunnar** gravlagd [9/5-1949](#), Alene Ovidia gravl. [30/12-1957](#). Sigurd Alexander er registrert død 20/6- og gravl. [27/6-1972](#). Alle tre kviler på [vår Frelzers gravpl. i Haugesund](#).

Hans Andreas^{G63} vart gift [1/9-1899](#)[#11] med **Kristiane Fredrikke** Halvorsdtr Velde. Han er då nemnd som «*Fyrbøder ved teglværk Nygaard, Velde*». Kristiane er hjå DISgravminner registrert med gravferdsdato [10. oktober 1950](#).

Eg vil tru der bur fleire på Karmøy og Haugalandet som kan rekne slekt attende til Gudmund !

*Førenamnet **SERINE / SERINA**/(Serena)

Ei [oversikt på Wikipedia](#) syner at namnet har latinsk opphav – med tyding «*Klar, rolig*».

Personer, etter fornavn, tid og statistikkvariabel 2013 (SSB)

Namn	Tal
Serina	219
Serine	323

(Eit par kartskisser på neste side syner historisk fordeling)


Gjennom tidene har nok mang ei god mjølkeku i [Ryfylke og på Haugalandet](#) vorte stllt av ei budeie som bar namnet **Serine**. Kva kua heitte, det får vi koma attende til ved neste krossveg



«*Bestemors serinakaker*»

Bilete lånt frå **TINE - Oppskrifter**

Kartskisse som syner utbreiing av førenamna
Serine / Serina
 frå folketeljningane i 1801 og 1900



Det ser ut som Sør-, Vestlandet og Trøndelag er område der namnet er mykje nytta. Av dei 46 namneberarane i Buskerud i 1801, er 40 stk. busette i Kongsberg !

Eit oppslag på «[Gule sider](#)» gav **327** tilslag på **Serine** og **116** på **Serina**. (20/6-2014)
 Det ser ut som Serine er «jamnare spreidd» utover kongeriket, Serina med tyngdepunkt vestafjells.

SERINE 2014:



SERINA 2014:



Eg går ut frå at det heiter Serinakaker sjølv om bakaren har eit anna døypenamn. Og etter denne namnedrøftinga lyt ein vel gå å finne seg ei småkake å kose seg med. Men **ikkje** Sarin(a)kake – det høyrst helseskadelag ut

Til Karmsund men ikkje for å ta del i filmfestival

Ei innførsele i kyrkjeboka for Øystre Slidre fortel at «pige **Ingeborg Reiersdtr Rudi i Hegge**» og «hendes søn **Anders Knuds**» i 1849 har fått [utflyttingsattest\[#29&30\]](#) med reisemål «[Karmsund](#)». Ei «[kontramelding](#)»[#5] finn vi notert i 1854 – men datert 3. sept 1853. Her er skriva at **Ingeborg** er 29 aar og skal «*giftes med **Ole Johannes Olsen paa Hasseløen***».

Ingebjørg kom til verda på [Li i Skammestein](#) 15. august 1824 og vart [døpt 17. oktober s.å.\[#56\]](#). Foreldra hennar er «Gaardfolk» **Rejer* Tollevsen Lie** og **Ingeborg Knudsd.** Konfirmert vart ho, av «[Pastor Olsen](#)» i [Hegge kyrkje 4. august 1839\[#28\]](#), 5. august 1847 vart ho mor til ein gut, han vart [døpt 10. oktober s.å.\[#65\]](#) og får då namnet **Anders** (Truleg vart guten døpt i Hegge kyrkje, alle borna døypte denne dagen høyrer til Hegge sokn). Far til guten er skriven «*Ungkarl Knud Andersen Grønolen*». **Anders** vart [konfirmert 10. november 1861 \[#30\]](#) i Skåre sokn, Torvastad prgj. Vi finn han ved [FT1865](#) som «læredreng» hjå «*Bagermester Peder Brynhildsen*» i Bergen. Det ser ut som son til 'bager-mesteren', *Diedrich Anton*, tok over etter faren, men han hadde også fleire politiske tillitsyrke, m.a. som Stortingsmann for Bergen i tida 1903-1906. – Ein [Anders Knudsen](#), 20 år, reiser frå Bergen [6. mai 1867](#) til Quebec med skipet «Fredrik Petersen», men om dette er guten frå Skammestein, det er eit retteleg «[skot i blinde](#)»!



[Knudaheio](#) foto2. juni 2004 (OHF)

Sikkert er at mor hans, ho **Ingebjørg**, står brur [3. november 1853\[#16\]](#). Ho er då 29 år gamal. Brudgommen er den ti år eldre enkjemannen, «Arbeidsmnd» **Ole Johannes Olsen**. Han var fødd 27. september 1817 og døpt i [Time sokn](#) i [Lye prgj.](#) på Jæren [12. oktober s.å.\[V.side, øvst\]](#). Foreldra hans var husmannsparet *Ole Jonsen* og *Christi Olsdtr.* **Ole** vart konfirmert [23. september 1833\[30\]](#), merknaden til kyrkjebokskrivaren kan ein vel tyde slik at han ikkje hadde den lettaste barndomen. Men – Jærbuen er av eit sterkt slag, her får vi sitere [Arne Garborg](#):

«*Det er eit sterkt, tungt folk, som grev seg gjennom livet med grubling og slit, putlar med jorda og granskar i Skrifta, piner korn av auren og von av draumane sine, trur på skillingen og trøystar seg til Gud.*» (Frå «[Fred](#)»)

Det fyrste barnet let ikkje vente lenge på seg, dottera **Ingebjørg Kirstine** (oppattkalla etter mormora i Skammestein) kjem til verda på [Hasseløya](#) 10. desember 1853 og vart [døpt 26. desember s.å.\[#95\]](#). Ho vart konfirmert i [Skåre sokn](#) (Torvestad prgj.) [19. oktober 1868\[#98\]](#). Så kjem **Reinert Andreas**, f 24. juni 1855 på [Grønhaug](#), dpt [8. juli s.å.\[#55\]](#) og konfirmert [9. oktober 1870\[#14\]](#). **Ole Conrad**, som vi seinare skal fylje vidare, vart f 27. juli 1860, [dpt 9. september s.å.\[#81\]](#), konf [4. oktober 1874\[#11\]](#). **Albert Severin** vart døpt [23. august 1863\[#111\]](#), han vart f 14. juli s.å. – Flokken vart runda av med veslesystera Ellen Serine, f 3/10-1895, [dpt 1. april 1866 \[#49\]](#) og [konf 3. oktober 1880\[#8\]](#).

Vi finn alle nemnde på «Fastlandet. 2. rode» i «Haugesund ladested» [ved FT1865](#). Teljinga ti år etter, [i 1875](#), fortel at dei bur på Grønhaug, og at minstejenta, **Ellen Serine**, bur heime – det gjer òg eldstesystera, **Ingebjørg Kirstine**. Smedenmester *Ole Johan Olsen*.frå Stavanger er også lista opp i denne familien ([son frå fyrste ekteskapet\[#30\]](#) til Ole Johannes[1885]). - [Grønhauggaden](#) 2^{den} er adressa ved [teljing 1885](#). No har foreldra selskap med sonen **Ole Konrad**, han er «*Søfarende*».

Sjømenn kan forflytte seg over store avstandar, og [19. januar 1890\[#1\]](#) finn vi **Ole Konrad** som brudgom i [Stavern kyrkje](#). Han giftar seg med **Kristine Marie Mathiesen**, dotter til [skibstømmermand Bernhard Mathiesen](#) og kona *Karoline Marthine*. Kristine Marie var f 27. november 1866 og dpt i [Tønsberg krk.](#) [26. desember s.å.\[#56\]](#). Sonen **Olaf Bernhard** vart f 22. april 1891 og [dpt 18. mai s.å.\[#4\]](#). Etter at sonen **Ragnvald Christoffer** kjem til verda, [12. januar 1893\[#5\]](#), får mora **Kristine Marie** «[Barselheber](#)». Ho [døyr 23. februar 1893\[#3\]](#) og vart 28. februar hrvlagd ved Stavern kyrkje.

Ole Konrad har ei tid etter flytta attende til Haugesund. Han giftar seg for andre gong, [19. september 1898\[#4\]](#) i [Vikebygd kyrkje](#). (som dengong høyrde ril Sveio prgj) - med **Martha Kristine Knudsdtr.** Ho vart f 9. oktober 1869 på garden [Tindeland](#), [døpt i Vikebygd 7. november s.å.\[#94\]](#) – og konfirmert same stad [19. oktober 1884\[#13\]](#). Foreldra hennar heiter *Knut Anfinson* og *Kathrine Halvorsdtr.*

Rett før 1900-talet startar, døyr **Ingebjørg Reiersdtr.** Ho tek avskil med «*det jordiske liv*» [30. november 1899\[#40\]](#) og vart boren til siste kvile i Haugesund 7. sesember s.å.

[Teljinga 1900](#) for «Haugesund kjøpstad» syner at enkjemann og «Bestefader» **Ole J Olsen** no har tilhald hjå sonen **Ole Konrad**, kons hans, **Martha Kristine** og sonen frå fyrste ekteskap, **Olaf Bernhardt**. Dei bur alle i Sauhauggade (*feilskrive for [Sørhauggate?](#)*) 107. **Ole Konrad** og **Martha Kristine** har, etter det kyrkjeboka fortel, fått to barn innan teljaren kjem på døra, **Carl Reinholdt** f 26/12-1898, [dpt 12/2-1899](#)^[#17], [død 1/12-1900](#) ^[#78] av «[Militærtuberkolose](#)» og **Kelfrid Magnhild** f 13/12-1899, [dpt 23/3-1900](#)^[#10]. Ho er ikkje med ved teljinga 1900. .

Utover i tiåret får dei tre barn til. **Kristian Martin** f 23/1-1904, [dpt 1/1-1905](#)^[#3], [konf 7/12-1919](#)^[#74], **Bergit Katrine** f 4/3-, [dpt 21/4-1907](#)^[#48] og **Reidar** f 4/7-, [dpt 22/8-1909](#)^[#85]. Det er truleg han vi finn på DIS-Gravminner som [død 14. mai 1998](#), gravlagd på vår Frelsers gravlund, Haugesund.

Ole Konrad og huslyd bur i Thuhauggt 10^b ved [teljinga i 1910](#). Far hans, **Ole Johannes Olsen** vart 91 år, og døydde [25. juli 1909](#)^[#42], gravl. i Haugesund 30. juli s-å. – Han var som 84-åring fadder til barnebarnet *Tellette Bryne* (dotter til sonen frå fyrste ekteskap) [10/8-1902](#). M.a.o. ein sprek Jærbu ! Med den høge alderen stussar ein heller ikkje over [notert dødsårsak](#) i kyrkjeboka.

Sonen til **Ole Konrad** frå fyrste ekteskap, **Olaf Bernhard**, er nemnd «*Mekanikus*» då han [13. september 1908](#) ^[#3] giftar seg, i [Sveio kyrkje](#), med **Jette Regine Johannesen**. Ho var f på [Uren i Sveio](#) 3. januar-, dpt i Sveio kyrkje [4. mars 1885](#)^[#6] og konfirmert same stad [15. oktober 1899](#)^[#7]. ([Sveio](#) vart tidlegare. skrive *Sveen*). Foreldre var *gaardbruger Johannes Olsen* og *Ragnhilde Torbjørnsdtr.* For nok ein gong å referere til DIS Gravminner: **Jette Regine** reg. død [12. mai 1964](#) og **Olaf Bernhard** [27. juli 1976](#). Båe Kviler på [Udland gravlund](#) i Haugesund. Sonen deira, **Reinert Johannes Olsen**, f 5. februar, [dpt 12. mars 1911](#)^[#42] er reg. [død 18. desember-](#) og gravl. 30. desember 1980 på [vår Frelsers gravlund](#) i Haugesund.

Nokre tal om førenamnet Reier(Rejer/Reyer) - og Reidar

Teljing 1801					Teljing 1865		
	Reler	Rejer	Reyer	Sum	Rei/Rei/Rey	Reidar	
Østfold	2	10	6	18	Østfold	1	
Akershus+Kraa	1	12	2	15	Akershus+Kraa	3	1
Hedmark		3	4	7	Hedmark	11	1
Oppland	5	17	3	25	Oppland	37	2
Buskerud	67	34	5	106	Buskerud	119	
Vestfold		9	5	14	Vestfold	14	1
Telemark	2	9	12	23	Telemark	28	
Agder(AA+VA)	22	86	6	114	Agder(AA+VA)	142	
Rogaland	19	64	2	85	Rogaland	120	
Hordaland+Bergen	2	10		12	Hordaland+BGO	16	1
Sogn&Fjordane	9			9	Sogn&Fjordane	4	
Møre&Romsdal	1	7		8	Møre&Romsdal	6	
Trøndelag	3	11		14	Trøndelag	54	9
Nord-Noreg	5	13		18	Nord-Noreg	18	3
	138	285	45	468		525	18

Teljing 1900			
	Reier/Rejer	Reidar	Sum
Østfold	1	118	119
Akershus	2	145	147
Kraa	3	411	414
Hedmark	11	44	55
Oppland	18	47	65
Buskerud	69	95	164
Vestfold	1	119	120
Telemark	3	27	30
Agder	83	24	107
Rogaland	56	26	82
Hordaland/Bg	6	29	35
S&F	2	12	14
M&R	1	30	31
Trøndelag	1	285	286
Nord-Noreg	16	226	242
	273	1638	1911

Kilde: Statistisk sentralbyrå

[SSB – Namnestatistikk : Reidar \(1945-2013\)](#)

Reier: Guttenavnet er en variant av Reidar, som er utledet av det norrøne ordet "hreid" som betyr "hus/hjem" som består av navnedelene reid og ar, hvor reid er utledet av det norrøne ordet "hreid" som betyr "hus/hjem", mens ar har usikker betydning, men er kanskje utledet av det norrøne ordet "arr" som betyr "kriger". ([Lekkje](#))

Handelsmann på Hasseløy

[8/10-1847](#)^[#2] vart **Lars Andersen** registrert innflytta til Skåre sokn i [Torvastad](#) prgj. Han kom «for at søge Arbeide» og busette seg på [Hasselø](#). Han hadde med attest frå *Pastor Harbitz*. Den attesta var innført i Ministerialbok nr 1 for Slidre, Lomen og Røn sokn [7/10-1846](#)^[#2].

Lars var son til *gaardfolk(g:f:)* [Anders Larsen](#) og [Anne Knutsdtr.](#) Dei gifta seg [13/8-1820](#)^[#24]. Han var fødd på [Fulkji](#)(Fylken) 28/6-, dpt [1/7-1821](#)^[#46]. Han vart skriven **Lars Anders: Winnigstad** då han vart konfirmert, [2/8-1835](#)^[#19] i [Volbu kyrkje](#).

Vi treffer **Lars** som brudgom i [Skåre krk.](#), Torvastad prgj. [21/11-1862](#)^[#31]. Han vart då skriven *Enkemand, Landhandler* med opholdsted Kobbervig. Brura var *Enkemadam Helene Norhuus Øritsland* født Rasmussen, 41 år gamal med *opholdsted* Haugesund.

Ekteparet hadde med kvar sine born inn i ekteskapet. *Landhandlar Lars* hadde dottera **Andrea Skjoldine Adelaide**, fødd i Koppervik 1/4-, dpt Avaldsnes [16/6-1859](#)^[#23]. Mor til jenta var **Gardia Ossine Osmundsen**. Jenta hadde mange faddrar: Madamene Maartman, Osmundsen, Petersen, Woltzen og Johnsen, landhandlarane Petersen og Johnsen, Jørgen Osmundsen og lensmand Woltzen. **Gardia Ossine** døydde, 30 år gamal, i Koppervik [29/7-1860](#)^[#43], gravl. Avaldsnes prgj. 2/8 s.å.

Helene hadde i fyrste ekteskapet sitt sonen **Knut Christian Øritzland**. Guten var fødd på Hasseløen 6/1-, dpt Torvastad prgj. [5/3-1854](#)^[#14].

Ved [FT1865](#) budde **Lars, Helene, Andrea** og **Knut** samt tenestjenta Serine Olsdtr. på Hasseløen i Haugesund Ladested, Skåre sokn i Torvastad prestegjeld.

[Haugalandsmuseene](#) har eit bilete «[Haugesund sett fra vest/nordvest med Hasseløy nærmest](#)»



Postkort – Haugesund 1947 ([Harstad kunstforlag](#))

Ragnhild frå «Valders» og Sigurd frå Vinje

[FT1865](#) for «Fastlandet, 1^{ste} Rode i Haugesund Ladested», [Skaare sokn](#) i Torvestad prgj. syner ekteparet **Ragnhilde Pedersdatter** frå *Valders* og murar **Sivert Olsen Vasbrække** frå [Vinje prgj.](#) i *Telemarken*. Vi finn ektefolka i [FT1875](#) busett i 4^{de} *Langgade, nedre side*, på [Gaarden Sørhaug](#) i Haugesund ved [FT1885](#). Eg finn dei ikkje i FT891, men [FT1900](#) plasserer ekteparet i [Sørhauggade 27](#).

Den **Ragnhild** eg får til å høve her, er ei jente som vart fødd *uægte* 6/1-, dpt i [Svenes kyrkje 4/4-1831](#)^[#24] – med foreldre *Ungkarl Peder Olsen Erstad* paa Toten og *Siri Halvorsdtr Fodnæs*. Knud Halvorsen Strand har gjeve opplysningane – og dette var *Siri* sitt andre barn utanfor ekteskap. **Ragnhild** vart konfirmert i Svenes kyrkje [12/7-1846](#)^[#3]. *Siri Halvorsdtr* er nemnd på side 451 i «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*» band D. Halvsyster til **Ragnhild, Ingebjørg Tomasdtr**, kom til Avaldsnes(neste stubb).

Når **Sivert** – eller **Sigurd** som han vert nemnd i folketeljningane etter 1865 – og ved dødsfall, kom til verda – det er ikkje lett å bli klok på! Dei ulike kjeldene spriker - med sprang frå 1824 til 1830 Mest sannsynleg er det at **Sigur(d)** var son til [Sigri Sigursdtr](#) og [Ole Sigursen Rui](#) og var fødd 19/1-, døypt i Vinje prgj. [23/5-1825](#)^[#7]. – Eit Googlesøk med «*Sigurd Olsen Rui 1825 Vinje*» synte at [eg ikkje var åleine](#) om denne teorien!

Ragnhild og **Sigurd** gjekk inn i ektestand i Skåre krk.([Sjusovardagen](#)) [27/6-1852](#)^[#5]. Forlovarar var *Frantz Johnsen Ørpetvedt* og *Willum Jensen Vasbrække*. Samstundes nytta dei høvet til å døype sonen **Hans Ole** ^A, han var fødd på [Ørpetveit](#) 7/4- , [dåp 27/6](#)^[#36], konf Skåre krk [14/10-1866](#)^[#9]. - Så har ektefolka vore på langtur til Valdres (Strønd), dei fekk dottera **Siri Magdalene** ^B på [Veslestrønd](#) 11/11-1856, dpt i Svenes krk. [15/3-1857](#)^[#7], konfirmert Skåre krk. [8/10-1871](#)^[#76]. Dottera **Anne Serine** ^C ([Meir om forenamnet Serine her](#)) vart f på Ørpetvedt 25/1-, dpt Skåre krk. [27/2-1859](#)^[#12], konf Skåre krk. [12/10-1873](#)^[#72]. **Christen Johan** ^D f 24/9-, døypt i Skåre krk. [13/10-1861](#)^[#126], konfirmert Torvastad krk. [1/10-1877](#)^[#37]. **Regine Helene** ^E f 27/4-, dpt Skåre krk. [16/5-1864](#)^[#77], konf Torvastad krk. [6/10-1878](#)^[#16]. **Ingeborg Josefine Karen Emilie** ^H f Sørhaug13/8-, dpt Skåre krk. [8/9-1867](#)^[#176], konf Torvastad [1/10/1882](#)^[#24]. Til sist kom **Knut Severin** ^I f Haugesund 13/9-, dpt Skåre krk. [16/10-1870](#)^[#169], konf [12/10-1884](#)^[#24] i Torvastad krk.

Gift murar **Sigurd Olsen**, bustad *Nygaden*, døydde [18/1-1908](#)^[#13]. Han vart gravlagd/jordfesta 24/1 s.å. Notert dødsårsak: *Apoplexia*. – **Ragnhild Olsen**, *Enke, forsørget af Datter, gift med Skibsreder Johan Fritjof Henriksen*, døydde [3/2-1913](#)^[#10] «ved [Bredablik](#)», gravl./jordfesta 10/2 s.å. Ektefolka kviler på [Christine Elisabeth gravlund](#) i Haugesund.



Skåre krk i Haugesund - fotografert 28/3-2018 ohf

Regine Helene E finn vi ved [FT1900](#) som ektefelle til *skibsreder* **Johan Fredrik Henriksen**. Dei budde då på [Mølstrevaagnæs](#) gnr. 61/1 i Sveens herad (Sveio). [FT1910](#) syner at dei har flytta til Sølyst, Storesund gnr. 33/4 i Skaare herad. - **Johan Fredrik** var son til grubebestyrer [Carl Fredrik Henrikson](#) og [Johanne Torine Ingebretsen](#). Han var f i 18de Rode nr. 157 i Bergen 18/5-, dpt Korskirken [6/6-1869](#)[#62], konfirmert [Sveio krk. 7/10-1883](#)[#1]. Familien budde ved [FT1875](#) i [Afløbet\(Rygh\)](#) lno 83c i Sveens(Sveio) prgj der [Carl Henrikson](#) var styrar ved Langenæs Feltsparrubrudd([Rapport side 33](#)). **Regine Helene E** og **Johan Fredrik** kviler på Christine Elisabeth gravlund, [gravnr.076](#).

Ingeborg Josefine Karen Emilie H gifta seg i Haugesund [28/3-1895](#)[#9] med *sjømand* **Engel Johan Theodor Halvorsen**, son til *søfarende* [Halvor Tørrisen](#) og [Berte Mallene Jensdtr](#), f Grønhaug i Haugesund 10/6-, dpt Skåre krk. [23/7-1871](#)[#113], konf Torvastad [2/5-1886](#)[#14]. Det er vel dette paret vi finn i [Grønhauggade](#) 77 ved [FT1900](#) for Haugesund kjøpstad. Dei hadde då sønene **Hilmar Martin H** f 2/8-, dpt Torvastad [30/8-1896](#)[#65], konf Haugesund [2/10-1910](#)[#14] og **Trygve Emmanuel H2** f Grønhaug 27/11-1898, dpt Torvastad [19/2-1899](#)[#19], konf Haugesund [1/12-1912](#)[#20].

Familien budde ved [FT1910](#) i [Kirkegate 77](#) i Haugesund kjøpstad. No har barneflokket auka med **Ragnhild Sofie H3** f Grønhaug 27/6-, dpt [18/8-1901](#)[#87], konf Haugesund [14/5-1916](#)[#76]. **Kristen Emil H4** f Grønhaug 1/3-, dpt Haugesund [24/4/1904](#)[#46], budde i Kirkegt ved konf [1/12-1918](#)[#65]. Han fekk iflg *skriv fra Justisdept av 20/4-1945 bevilling til å anta navnet Borg som slektsnavn*. **Sigrid Magdalene H5** f Grønhaug 18/10-, dpt Haugesund [26/12/1906](#)[#116]. **Ingeborg Therese H6** f Grønhaug 2/11-1909, dpt Haugesund [28/3-1910](#)[#34].


Trygve Emmanuel H2 døydde [3/3-1963](#), gravl Vår Frelser's gravlund, Haugesund 8/3 s.å deler gravstein med **Astrid Henriette** f Mæland, dotter til jarnvegsarb. [Harald Mæland](#) og *kona* [Anna Berentdtr](#), f 24/12-1901, dpt [Lund krk. 26/1-1902](#)[#4], budde ved [FT1910](#) på [Aueland](#) gnr 23/27 i [Lund herad](#). **Astrid Henriette** døydde [28/12-1981](#), gravl. 6/1-1982.

Kristen Emil Borg H4 døydde iflg DISgravminner [17/6-1978](#), gravl 23/6 s.å. Med same gravnummer finn vi **Randi Synnøve** f 1/10-1916, død [27/12-2002](#), gravl 7/1-2003.

DISgravminner syner at **Sigrid Magdalene H5** døydde 677-1973, gravl [Kråkerøy gravlund](#), Fredrikstad 11/7 s.å. Under same gravstein kviler **Johan Andersen** ([18/9-1907](#)[#182] – 15/2/1991). Der er vel han vi finn i [FT1910](#), busett i [Bydalen](#), Glemmen, son til [Jens Peter Andersen](#) og [Britta Marie Frisk](#).

Anne Serine C finn vi hjå DISgravminner med dødsdato [17/3-1934](#), gravl [Gamlebyen gravlund](#), Oslo 24/3 s.å. [FT1910](#) syner henne busett i [Alnafetgaten 5](#) i Kristiania, gift med *vognmand* **Nils Andersen** frå [Skillingmark i Sverige](#). Adresse for familien ved [FT1900](#) var skrive Anefeltgade 4, men det kan vera feiltyding av «Alnafelt». [FT1885](#) syner at dei då budde i [Arbeidergade](#) 1, Trefoldighets Menighed. **Anne Serine C** vert nemnd i ein [GENIprofil](#) som tek for seg etterslekta til dottera [Ingeborg Kristine](#). - Lat meg ta med at [Harald Wilhelm Borander](#) (20/3-1892 – 6/9-1964) og [Ruth Olava Borander](#) ([19/9-1895](#) – 15/8-1893) har same gravnummer som **Anne Serine C**. Yngste son til **Anne Serine C**, **Nils Rikard C8**, kom til verda i *Alnafeldtdgd 5* (nok ein ny skrivemåte) 3/4-, dpt Gamlebyen krk. [17/6-1900](#)[#59]. Dei andre av borna i syskenflokket eg har funne i kyrkjebøkene er: **Aagot Konstance C2** f Arbeidergt 1 15/9-, dpt Trefoldighets krk. [12/10-1884](#)[#204], **Sigrid Magdalene C3** f 14/12-1886, dpt Trefoldighets krk. [6/3-1887](#)[#32], konf [Gamlebyen krk. 30/9-1900](#)[#22]. **Ruth Olava C6** (g Borander) f 19/9-, dpt 20/10-1895, konf Gamlebyen [3/4-1910](#)[#4]. **Sara Natalie C7** f Alnafetgd. 25 13/9-1897, dpt 7/1-1898, konf Gamlebyen [12/5-1912](#)[#14].

Siri Magdalene B har og funne veg til ein [GENIprofil](#). Sidan eg ikkje har greidd å finne giftermålet hennar, let eg det vera opp til dei som les denne stubben – å vurdera opplysningane hjå GENI. Landhandlar [Kristian Hansen](#) og [Sigrid Hansen](#) fekk dottera **Ruth** f [Skjærdalen](#) 24/5-, dpt Tyristrand krk [5/7-1885](#)[#9]. Diverre kan eg ikkje sjå kvifor [Sigrid Hansen](#) er identisk med **Siri Magdalene B**.



Eg er, som nemnt i fleire stubbar, skeptisk til udokumenterte påstandar hjå GENI

Ingebjørg frå Valdres og Christen frå Avaldsnæs

Ingebjørg Tomasdotter var fødd i [Fødnes](#), Svenes sokn i Nord-Aurdal 16/9-, dpt i [Ulnes kyrkje 2/10-1825](#)^[#48]. Ho var dotter til *Pigen Sirie Halvorsdatter Fodnæs; udlagt til Barnefader Ungkarl Tommes Tommesen Stavenjord*. Det var «*Hændes 1^{ste} og Hans 2^{det}»*(*Leiermål*). **Ingebjørg** er såleis ei eldre halvsysster til *Ragnhild Pedersdtr* i førre stubb.

Ingebjørg vart konfirmert i [Aurdal kyrkje 2/6-1839](#)^[#70]. Vi treffer henne att [1/7-1852](#)^[#23], då som brur i [Avaldsnes kyrkje](#), der ho gifta seg med *ungkarl Christen Baardsen Udvig*. Han var son til gardbrukar [Bård Bårdson](#) og [Marthe Christine Christensdtr](#); fødd [Utvik i Avaldsnes 3/12-](#), dpt Avaldsnes kyrkje [4/12-1825](#)^[#3], konf Avaldsnes [11/7-1841](#)^[#18].

Ingebjørg og **Kristen**(Christen) **Baardsen** vart foreldre til døtrene **Marthe Christine** f Utvik 13/3-, dpt Avaldsnes krk [20/3-1853](#)^[#42], død Utvik [26/3-1853](#)^[#32], gravl 2/4 s.å., jordfesta 1/5 s.å. **Siri Magdalena** f Utvik 19/11-, dpt Avaldsnes [26/11-1854](#)^[#74], konf Avaldsnes [9/10-1870](#)^[#82] – då vart fødestad notert til Vaage; mykje tyder på at både ho **Siri** og klokkekarlotter i Avaldsnes hadde svara godt for seg i forebuingstida dei hadde hatt saman med soknepresten.

Siri Magdalena og foreldra budde ved [FT1865](#) på [Vaage](#)(Waage) løpenr 25 i Avaldsnes prgj. 18 år gamal gifta ho seg i Avaldsnes kyrkje [3/7-1873](#)^[#24] med *Ungk., Sømand Erik Mikal Thor-mundsen*, fødd i [Lærvik i Tysvær 22/6-](#), dpt i [Tysvær krk. 29/6-1851](#)^[#21], konfirmert i Avaldsnes krk [14/10-1866](#)^[#45]. Wikipediaartikkelen om [Cleng Peerson](#) fortel at han òg var fødd på garden *Lervig* i Tysvær, men godt og vel to generasjonar føre Erik Mikal!

Erik Mikal var son til gardbrukar [Tormund Olsen](#) og [Anne Eriksdtr](#). Innan [FT1865](#) hadde familien flytta frå Tysvær til [Lindøen](#) lno. 45 i Avaldsnes prgj. [Pantebokside 544](#) syner at [Tormund](#) makeskifta med ein Andreas Salvesen, tgl. 25/2-1867. [FT1875](#) fortel at familien då budde på Vaage lno 194&195 i Avaldsnes prgj. Men dei skriv framleis [Lindø/Lindø](#) (som «*etternamn*»)

Siri Magdalena og **Erik Mikal** fekk desse borna, alle fødte på [Våge](#): **Kaia Emelia** f 7/4-, dpt [26/4-1874](#)^[#62], død [27/12-1887](#)^[#2], gravl Avaldsnes 3/1-1888. **Tine Amalie** f 2/4-, dpt [4/6-1876](#)^[#61], død [29/1-1878](#)^[#5], gravl. 2/2 s.å. **Theoline Amalie** f 12/9-, dpt Avaldsnes [24/10-1878](#)^[#128], konfirmert Avaldsnes krk. [1/10-1893](#)^[#7] døydde av tæring, Vaage [16/1-1894](#)^[#3], gravl Avaldsnes 23/1 s.å. **Elise Margrethe** f 8/11-, dpt Avaldsnes [25/12-1880](#)^[#88], konf Avaldsnes [13/10-1895](#)^[#1], død (*Lungetæring*) på Lillesund i Haugesund [6/5-1900](#)^[#44], gravl Haugesund 10/5 s.å. **Magda** f 2/11-, dpt Avaldsnes [31/12-1883](#)^[#92], konf Avaldsnes [10/10-1897](#)^[#10]. **Tormod Mikal** f 6/3-, dpt Avaldsnes [22/3-1885](#)^[#24], konf Haugesund [22/4-1900](#)^[#37]. **Anna Kristine** f 9/12-1886, dpt Avaldsnes [23/1-1887](#)^[#5], død Vaage [17/1-1888](#)^[#4], gravl 24/1 s.å. **Kristen** f 15/12-1888, dpt [27/1-1889](#)^[#5], død [28/9-1889](#)^[#42], gravl Avaldsnes 4/10 s.å.

Magda f gifta seg [20/10-1904](#)^[#57] med *styrmand Jakob Kristian Ringen*, son til reiar [Svend Jakobsen](#) og [Henriette](#), fødd i Haugesund 13/9-, dpt [27/10-1878](#)^[#75]. Det er notert ved innførsle av giftarmål at han var konfirmert i Haugesund i 1892, men eg finn ikkje denne i Ministerialboka. **Jakob** budde ved [FT 1900](#) i [Sørhauggade 11](#), saman med foreldra og seks sysken. [FT1910](#) syner at **Magda** og *dampskibsfører Jakob* då budde i Sørhauggate 3. DISgravminner fortel at skipsreiar **Jakob Ringen** døydde [3/1-1861](#), gravl 6/1 s.å og **Magda Ringen** døydde [1/3-1964](#), gravl. 6/3- s.å. – **Odd Ringen** ser ut til å vera adoptivsonen deira. Han var fødd i Egersund landsokn 26/2-, dpt Haugesund [1/4-1915](#)^[#54]. Foreldra hans var *gdmd Theodor Sakariasen Leidland* og *gift kone Hanne Theodore Tollefsdtr*.


Sjømand **Tormod Mikal** f finn vi som brudgom i Avaldsnes krk, [1/9-1904](#)^[#12]. Han gifta seg då med **Inger Kristine Østhus**, dotter til [Østen Kristiansen](#) og [Aseline Olsdtr](#), f [Østhus](#) 1682-, dpt Avaldsnes krk. [22/3-1885](#)^[#19], konf Avaldsnes [1/10-1899](#)^[#8]. [FT1900](#) syner at **Inger Kristine** då budde på Østhus, gnr 8311 i Avaldsnes Ektefolka budde ved [FT1910](#) på Vaage, gnr 25/1 i Avaldsnes.

Tormod Mikal f og **Inger Kristine** var foreldre til borna, alle fødte på Våge og døypte i Avaldsnes: **Kristen** f 30/10-, dpt [4/12-1904](#)^[#29]. **Øystein** f 24/3-, dpt [13/5-1906](#)^[#17]. **Elise** f 24/1-, dpt [5/4-1908](#)^[#4]. **Mikal** f 10/1-, dpt [3/4-1909](#)^[#7]. **Tormod** f 10/5-, dpt [21/7-1912](#)^[#24]. **Olav** f 14/8, dpt [2/11-1913](#)^[#23]. **Magne** f 19/11-1914, dpt [10/1-1915](#)^[#2].

Hjå DISgravminner finn vi at **Tormod Mikal** f døydde [8/1-1963](#), gravl 12/1 s.å. medan **Inger Kristine** levde fram til [8/7-1974](#), gravl 14/7 s.å.

Denne familien finn vi òg i ein [GENIprofil](#). [Gløym ikkje](#) å lesa om «[Lindø-familien på Våge](#)»! **Inger Kristine Østhus** er nemnd hjå «[Slektsforumkarmøy](#)» og **Tormod Lindø** i «[Dans på Dalen](#)».

Familien flytta frå Hjellebergo i Slidre til Nedstrand på Haugalandet



Husmannsfamilien i Hjellebergo (*Gardar og Slektar i Vestre Slidre* [side 347](#)) fekk [18/3-1852](#)^[#5-10] utflyttingsattest med reisemål Neerstrands Prestegjeld. – Husfar, **Jon Olson**, son til Ola Gudmundson og Ingebjörg Reiersdtr, var f på Hjelle 7/5-, dpt Slidredomen [18/5-1800](#)^[Hside,5.ovanfrå], konfirmert «af *SognePræsten hr Christie*» i Rogne krk. [3/8-1817](#)^[#6] – då budde han på OvalesEiet. [FT1801](#)^[#033-038] syner at foreldra var sjølveigarar. **Jon** hadde då tre eldre brør. **Jon**, framleis skriven QvalesEie, gifta seg [15/12-1833](#)^[#13] «i Kirken», med pige **Ragnild Evensdatter** Koljorde.

Ho **Ragnild** var dotter til Eivind Ivarson og Randi Kristoffersdtr, f Kolljordet 1/5-, dpt Slidredomen [7/5-1809](#)^[Hside,2.ovanfrå], konf av spr. Christie i Røn krk. [27/7-1823](#)^[#11]. Eivind Ivarson er nemnd på [side 498](#) i «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*», Randi Kristoffersdtr finn de på [side 146](#) i «*Gardar og slekter i Vang*» band C. - Lat meg og nemne at far til Eivind Ivarson iflg «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*» var husmann i øvre Frigstadplassen, hus derfrå er å sjå på Valdres Folkemuseum.

Ragnild og **Jon** var foreldre til **Ingebjörg** f 24/7-, dpt Lome stavkrk. [30/7-1837](#)^[#60], konf. [18/3-1852](#)^[#3]. **Randi** f 8/2-, dpt V Slidre [7/3-1841](#)^[#17], konf Hindarå krk. [21/9-1855](#)^[#19]. **Anne** f 7/12-, dpt Slidredomen [26/1-1845](#)^[#9], konf Hindarå krk. [30/10-1859](#)^[#2]. **Ola** f 3/1-, dpt Slidredomen [16/2-1851](#)^[#17], død Hindarå [14/7-1852](#)^[#21], gravl 17/7 s.å. – Alle borna vart noterte med Hjelle som fødestad.

Ministerialboka for Hindarå i Nedstrand prgj. har [15/9-1852](#)^[#10-15] ei innførsle om at Slidringane er framkomne og innmelde i kyrkjelyden. Kva som er skrive i rubrikk «*Opgiven hensigt med Indflytningen*» greier eg ikkje å tyde fullt ut.

Familien var ved [FT1865](#) husmannsfolk på plassen Flaaden (under Bjelland). Dottera **Ingebjörg** budde då saman med foreldra. Same situasjon finn vi ved [FT1875](#).

Kone **Ragnild Evensdatter** døydde på Bjelland [23/2-1880](#)^[#4], gravlagd ved Nedstrand krk. 27/2 s.å. **Jon Olson** hadde og Bjelland son opphaldstad då han døydde [9/9-1886](#)^[#15], gravl 15/9 s.å.

Anne Jonsdtr var ved [FT1865](#) tenestjente på Bjelland lille lno 54 i Hinneraa sokn. Ho gifta seg i Hindarå krk. [6/7-1867](#)^[#14] med **Tore Larsson**, son til husmannsfolka Lars Torson og Mari Danielsdtr på Tendelandsheia. Gardsnamnet Tendeland var vi òg innom i stubben «Lensmennene i Valle» - *Norske Gaardenavne* fortel at opphavet til namnet er fuglenamnet Terne(pørna). **Tore** var født på Tendelandshei 8/5-, dpt Hindarå krk. [12/5-1833](#)^[#11], konf Hindarå krk. [3/10-1847](#)^[#4].

Anne og **Tore** fekk borna **Lars** f 29/1-, dpt [30/3-1870](#)^[#11], død på Tendelandsheia [20/10-1881](#)^[#25], gravl Hindarå 26/10 s.å. – og **Ragnild Marie** f Tendelandshei 31/8-, dpt Nedstrand krk. [21/12-1879](#)^[#42], konf Nedstrand [14/10-1894](#)^[#12]. Familien budde ved [FT1875](#) på Tendelandsheien, her finn vi dei og ved FT1891- Husliste, Personsedlar(1,2,3) samt storesyster til Anne, Ingebjörg Jonsdtr. No var familien sjølveigarar. Panteregister II A 32, [side 328](#) syner at **Tore Heien** kjøpte Heien med skjøte datert og tinglyst 25/5-1886.

Vi finn **Anne**, **Tore** og **Ragnild** på Heien, gnr 27/3, både ved [FT1900](#) og [FT1910](#). Ved siste teljing bur **Karl Severin** f 13/3-, dpt Nedstrand 24/4-1904 på Heien. Han var son til pige Teodora Sedal og gaardmand(gift mand) Hans Tormodsens Næsja.

Gardmann Tore Larsen Tendeland døydde [25/2-1920](#)^[#3,Hside], gravl Nedstrand 4/3 s.å. Følge-enke Anne Jensdtr Heia døydde [15/2-1924](#)^[#3,Hside], gravl 22/2 s.å. – Eigedomen Heien, gnr 27/3 vart seld til Aslak N Hejen med skjøte datert 2/6-1921- salssum kr. 4000 og kår til enkja(Anne Jensdtr).

DISgravminner fortel at **Ragnild Heien** døydde 15/4-1935 og kviler på Nedstrand Vestre kyrkjegard i Tysvær kommune.

Buntmakarsveinen frå ‘Sørumseiet’

Læredreng i Ålesund, svein i Stavanger

Andreas Larsson vart døypt i Aurdal kyrkje [16/2-1849](#)^[#56]. Han var son til Lars Andersson og Astrid Andersdtr og var komen til verda i ‘Søreiseige’ 17/11 s.å. Fadrane kom frå Rudseige, Sørei og Rennå. - Det ser ut til at **Andreas** hadde to brør, **Anders** f 19/10-, dpt [21/11-1847](#)^[#59] og **Johannes** f 23/8-, dpt [10/10-1854](#)^[#59].

[FT1865](#) syner at **Andreas Larssen Sørum** då budde hjå Buntmakarmeister Lars Hansen Hammer og familien hans i ‘Gaard nr 129’ i Aalesund kjøpstad. Han var då «Læredreng». Meisteren sjølv var Vagvær – med kone frå Kristiansund – og tenestjenta i familien var Honndøl.

Ved [FT1875](#) finn vi «Logerende, Buntmagersvend» **Andreas Larsen Sørum** med bustad i Stenkargade 191 i Stavanger kjøpstad. Her er òg tre andre «sveinar», ein Smedesvend frå Kristiansand, ein Guldsmedsvend frå Trondheim og ein Skræddersvend frå Sverige(Unionsbroder).

Ei innførsle i Ministerialboka for St. Petri krk. i Stavanger fortel at «Arbeider Lars Andersen Sørumseiet», f 1819 i *Nordre Aurdal i Valdres* døydd av tæring på Sygehuset [27/10-1885](#)^[#55]. Han vart gravlagd frå St. Petri 3/11-1885. – Eg ser ikkje bort frå at dette er far til Andreas Larsson.

Kjedelsmed i Stavanger

[FT1875](#) for Spilderhaug nr 1543 i Stavanger kjøpstad syner at ektefolka **Ole Jensen** f *S.Urdals prgj* i *Valders* i året 1830 og **Marte Andersdtr** f 1844 i Gunnarskog, Sverige var busette på denne adressa. **Ole Jensen** var då «Kjedelsmed paa Støberiet». Det er vel her tale om «Stavanger Støberi og Dok» ([Wikipediaartikkel](#))

Marthe og **Ole** vart foreldre til ein gut f 24/9-1881. Han vart døypt i St Petri krk. [23/10-1881](#)^[#205] og fekk då namnet **Johan Alexander**. Her kjem det fram at faren heiter **Ole Jensen Faarsødegaarden**. **Ole**(Ola) var fødd på Førsøydgardé 29/8-, dpt Aurdal krk. [13/9-1829](#)^[#72]. Han var son til Jens Olson Førsøydgarden og Åste Eriksdtr fødd i Haga i Åbjør. **Ola** var konfirmert i Svenes krk. [22/6-1845](#)^[#15].

11^{te} Rode, nr 1853 i Stavanger kjøpstad var bustad for familien ved [FT1885](#). Her er ei jente, **Johanna Josephine** Jensen i husstanden. Eg vel å tru at dei har teke henne som ‘pleiedotter’ – og at det er ho vi finn fødd på Mølleberget 21/12-1879, dpt St Petri [11/1-1880](#)^[#12]. Foreldra hennar var *ungkarl, styrmand* Johan Johannesen og *pige* Josefine Albertine Andersen. Ola var framleis Kjedelsmed, på same adressa budde det to kjelesmedar til, Arne Isaksen Grov frå Stryn og Bernhard Marselius Steinkopf frå Stavanger.

Familien **Jensen** er nemnde på nettsida «Pedersgaten.org», [Pedersgata 99](#). Eg har ikkje greidd å finne meir om familien etter teljinga 1885. **Ola Jensen** er nemnd på side 843 i «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*» band D, men kvar det vart av han - hadde vi ikkje kjennskap til på den tida boka var i trykking.



Dampskipet «Stavanger» (1897) [[STP Stavanger-Sjøhistorie](#)]

Sonen til stasjonsmeisteren vart ingen gamal kar

Ministerialboka for St Petri krk., Stavanger har ei dødsinnførsle for [21/12-1914](#)^[#77]. *Middel-skoleelev* **Olaf Gausaker**, f 1898, *Stange p.g. Hedemark*, busett på Høiland station, døydd av *Peritonitis sippuk* (Bukhinnebetennelse) på Stavanger amtspsykehus. Han vart gravlagd frå St Petri krk., 29/12-1914. **Olaf Henry** var son til stasjonsmeister Ole Gausaker og Marie Henriksdtr, f Espa stasjon 6/11-, dpt Tangen krk. [23/12-1898](#)^[#35], konf Fagerborg krk. [12/5-1912](#)^[#47]. Familien budde ved [FT1900](#) i «*Espen Vogterbolig*», i [FT1910](#) var bustaden Stensgaten 3 i Kristiania. Ole(Ola O) Gausaker var fødd på Gausåk gnr 78/3 i Lobygden 8/1-, dpt i Strand kyrkje [28/1-1872](#)^[#1].

Gråsteinsmurar frå Semeleng budde i Pedersgata i Stavanger

Husmannsparet Ivar Olson Semelinge og Marit Andersdtr vart 26/9-1857 foreldre til ein gut. Han fekk [18/10-1857\[#103\]](#) namnet **Tosten**(*Torstein/Tøstein*). Dei to borna som vart døypte denne dagen høyrde til i Røn sokn, så eg vel å tru at dåpshandlinga var i [Røn kyrkje](#).

«*Gardar og Slektar i Vestre Slidre*» ([side 603](#)) plasserer denne familien i plassen Leirhaugen under Øvre Semeleng. Det ser ut til at **Torstein** hadde seks eldre sysken – og fekk seinare tre yngre. Ved [FT1865](#) vart familien registrert i *Lerhaugen*, Braute teljekrins i Røn sokn, Vestre Slidre prgj. **Torstein** vart konfirmert i Vestre Slidre [25/5-1873\[#27\]](#). [FT1875](#) syner at han var «*Tjenestegut*» på sørre Kvåle (Ino 155, seinare [gnr 76/3](#)), hjå Anders Knudsen/Jøren Jonsdtr ([side715](#))

År går – innan vi treffer att han **Torstein Ivarson**. Han hadde då teke ein lang tur bort frå Røn. Han vart i [Skafså krk.](#) [28/7-1889\[#8\]](#) gift med **Guro Olsdtr**. Ho var dotter til husmann Ole Olsen og Gunhild Asmundsdtr, fødd i Svartedal i Vinje 18/8-, dpt Vinje [29/8-1858\[#61\]](#), konf Vinje [21/6-1874\[#23\]](#). Ho budde saman med foreldra og tre systre i 'Rounelien' i Vinje/Grungedal sokn ved [FT1865](#). Plassen Bakken, Ino 78,80d i Vinje prgj var bustad ved [FT1875](#), her var **Guro** tenestjente.

Torstein og **Guro** var truleg i arbeid ved [Åmdals verk gruver](#) i Skafså sokn i [Mo herad](#), no [Tokke kommune](#). Dei vart her foreldre til dottera **Gunhilde Marie**, f 15/3-, dpt Skafså krk. [20/7-1890\[#37\]](#), konf [Bakke krk.](#), Sirdal [23/10-1904\[#6\]](#). Det ser ut til at dei har flytta frå Skafså innan FT1891. – Neste gong eg finn familien er i 1893.

Dottera **Inga Oleanne** vart fødd på [Strandgaard](#), [Kjose i Brunlanes](#) 21/1-, dpt Kjose krk. [3/4-1893\[#1\]](#). **Torstein** vart då skriven «*Stenarbeider*». Eg undrast på om han hadde arbeid ved [Vestfoldbanen](#) (del Larvik-Skien). Familien budde på [Kile i Hægeland](#) då sonen **Ingvar Oliver** vart fødd, 5/7-, dpt [Hægeland krk](#) i Øvrebo prgj [20/10-1895\[#10\]](#). Då vart **Torstein** skriven jernbanearbeidar. Det var vel [Setesdalsbanen](#) han var med å bygge.

Dei to neste borna kjem til verda på [Sirnes](#) i [Bakke prgj](#). **Ole Andreas** vart fødd 13/9-,dpt [Bakke krk.](#) [5/11-1899\[#20\]](#). **Gudrun Theodora** kom til verda 20/5-, dpt Bakke krk. [5/7-1904\[#12\]](#). Ved båe høve vart faren nemnd 'jernbanearbeidar'. Flekkefjordbanen var truleg arbeidsplassen hans. Sam-bygdingen Peder Toreson Holden ([stubb](#)) hadde og arbeidsplassen sin her.


[FT1900](#) fortel at **Torstein Iversen** då var *jernbanearbeider* og losjerte i [Store-Opset](#) «*Barakke no I*» i Aurland herad i lag med mange jarnvegsarbeidarar, smed og snikkar. Her dreiv dei i harde tak og bygde [Bergensbanen](#). - Ho **Guro Olsdtr** budde ved same teljing saman med borna på [Sira](#) gnr. 24/1 i Bakke herad.

Kor lenge han **Torstein** var på arbeid langs Bergensbanen seier soga ikkje noko om. Familien aukar med ei ny dotter 20/5-1904. Jenta var fødd på Sirnes og fekk namnet **Gudrun Theodora** i Bakke krk. [5/7-1904\[#12\]](#).

[Pedersgate 140](#) i Stavanger var adresse for familien ved [FT1910](#).Dei tre yngste borna budde saman med foreldra. Sonen **Ingvar Oliver** arbeidde ved ein 'Mekanisk Verkstad'.


Guro Iversen døydde av tæring [11/5-1914\[#36\]](#). Bustad var då Vindmøllebakken 12. Ho vart gravlagd 16/5 s.å. på *Egenes gravplass* ([Eiganes gravlund](#)). DISgravminner fortel at **Torstein Iversen** døydde i [1939](#), gravl Eiganes 26/10 s.å. **Ingvar Oliver** døydde 9/7-1980, gravl [Tjensvoll gravlund](#). Dei ulike gravplassane i Stavanger er presentert i [pdf-fila «Nærmere om gravlundene»](#).

Nettsida [Pedersgata-nr-140](#) fortel at familien budde her i åra 1910-1912.([Wikipediaartikkel](#))



Søfarende Lomisbygding med bustad på Hasseløen

Ei innførsle i Ministerialbok nr A8 for Torvastad sokn i [Torvastad prestegjeld](#) fortel at *ungkarl* **Jacob Torstensen**, 21 aar, f *Rogne i Slidre* og, opphaldstad [Vibrandsøe](#), gifta seg [25/11-1852](#)[#15] med *pige* **Karen Cathrine Gundersen** frå *Vibrandsøe*, 25 aar. Forlovarane var far til brura, [Gunder Nicolai Gundersen](#) og *Personelcapellan* Hofstad.



Eg vel å tru at brudgommen var **Jacob**, son til inderstparet *Tosten Jacobsen Egges Eie* og *Marit Toresdatter*. Han var fødd på [Eggeige](#) 31/10-, dpt i [Lome stavkyrkje](#) [14/11-1830](#)[#39]. Eg kan ikkje sjå at han var konfirmert i Slidre, familien må ha flytta før 1844.

Karen Cathrine var fødd 18/10-, dpt Torvastad krk. [28/10-1827](#)[#15]. Foreldra var *gift Mand Skrædder* [Gunder Gundersen](#) og *Pigen* [Ingeborg Danielsdatter](#) fra *Haseløen*. **Karen Cathrine** vart konfirmert i Torvastad krk. [15/12-1844](#)[#26].

Karen Cathrine og **Jacob Torstensen** vart foreldre til **Ingeborg Margrethe** f *Hasseløen* 11/3-, dpt Skåre krk. [5/4-1857](#)[#26] og **Lauritz Nikolai** f *Hasseløen* 10/9-, dpt Torvastad [20/10-1861](#)[#129], konfirmert Skåre krk. [3/10-1875](#)[#6]. - [FT1865](#) syner familien busett på [Hasseløen](#), 3^{die} Rode i Skåre sokn, Torvastad prgj. Ti år etter, ved [FT1875](#) var bustadadressa Hasseløen 69 i Haugesund kjøpstad. Husfaren er ved båe teljingane skriven *Jacob Torstensen Rogne* – med yrke «*Søfarende*».

Det er (til no) berre **Lauritz Nikolai** eg har greidd å finne meir opplysningar om. Han vart skriven «*Styrmand*» då han gifta seg med **Malene Kristine Johnsen** [14/1-1892](#)[#1]. Ho var fødd på [Fiskå](#) 7/7, dpt i [Avaldsnes krk.](#) [22/7-1866](#)[#48], dotter til husmannsfolka [Elias Jonsen](#) og [Maren Kristine Johannesdr.](#) Ho var konfirmert i Haugesund [3/10-1880](#)[#6].

Borna deira var alle fødde på Hasseløy og konfirmerte i Haugesund. **Maren Elisa** f 8/11-, dpt Skaare krk. [11/12-1892](#)[#25], konf [7/4-1907](#)[#10]. Resten av barneflokket vart døypte i Haugesund. **Ingeborg Kathrine** f 10/12-1894, dpt [6/1-1895](#)[#1], konf [3/10-1909](#)[#34]. **Louis** f 4/9-, dpt [27/11-1898](#)[#101], konf [4/5-1913](#)[#39]. **Johannes** f 23/12-1900, dpt [3/2-1901](#)[#1], konf [13/5-1917](#)[#98]. **Frank** f 14/3-, dpt [26/4-1903](#)[#51], konf [5/5-1918](#)[#45]. **Olaf** f 9/12-1908, død (*Scharlatina*) [3/3-1909](#), gravl/jotdf 10/3 s.å.

Familien budde ved [FT1900](#) i «*Almindeligt Vaaningshus*» på «*Nordre del af Hasseløen*». Her finn vi og «*Svigermor*» **Karen Katrine Rogne**. Ho døydde på *Vibrandsøy* [19/10-1905](#)[#52], gravl/jordf. 26/10 s.å. [FT1910](#) syner at familien då budde i [Holmegate](#) 30 i Haugesund kjøpstad.

Hjå DISgravminner finn vi familiegrava til [Laurits Nilolai / Malene Kristine](#) på [Nordre Hauge gravlund](#) (*skisse*). **Laurits** døydde [11/6-1927](#), gravl 17/6 s.å. **Malene Kristine** døydde [2/3-1950](#), gravl 23/2 s.å. **Louis** døydde [23/11-1931](#), gravl 27/11 s.å. **Ingeborg** døydde [21/1-1981](#), gravl 3/3 s.å.

Johannes døydde [5/9-1982](#), gravl Nordre Hauge 25/10 s.å. Under same gravstein kviler **Birgith Foss Jacobsen** f *Balchen*, dotter til maskinmester [Hans Christian Balchen](#) og [Birgitte Foss](#), f 22/6-, dpt St Johannes krk., Stavanger [23/8-1903](#)[#150]. Familien budde ved [FT1910](#) i [Holmegate](#) 19 i Haugesund. **Birgith** døydde [1/2-1987](#), gravl 7/5-1987. Ho er med hjå ein [GENIprofil](#)

Maren Elisa døydde [15/11-1970](#), gravl Søndre Hauge gravlund 19/11 s.å. Ho kviler saman med *Kontorchef* **Osvald Arnt Larsen**, død [6/5-1941](#), gravl Søndre Hauge gravlund 9/5 s.å. Han var son til inderstparet *postfører* [Tobias Larsen Spande](#) og [Olea Bergitte Olausdatter](#), fødd *Nærøy* 2/10-1890, dpt [21/6-1891](#)[#28], konf Haugesund [22/4-1906](#)[#4]. Tobias vart skriven «*Skipper*» då han son enkjemann gifta seg i *Foldereid* krk. [1/1-1884](#)[#1] med [Olea Bergette](#) frå *Grong*(Høylandet). Familien budde ved [FT1910](#) på *Sørhaug* i *Skåre* herad.

Han heitte Ole Beiten og han var ein bondemann

Pige Anne Eriksdatter har [18/4-1841\[#28\]](#) med seg eit gutebarn til [Hegge kyrkje](#). Guten fekk denne dagen namnet **Ole**(Ola). Han var komen til verda i [Beito](#) 19/2 og faren vart notert i Ministerialboka som Ungkarl Anders Andersen Beithoe. Det vart òg notert at dette var *hans 4^{de}, hendes 2^{det} Leiermaal*. Anne og Anders tok steget inn i ekteskap [26/5-1843\[#10\]](#) og fekk i ekteskapet fem born til.

Ola Andersson vart konfirmert i Øystre Slidre [1/6-1856\[#21\]](#). [FT1865](#) syner at **Ola** og syskena Anders og Marit bur saman med mor si i *Hagen, Beito Omgangsskoledistrikt* i Hegge sokn, Øystre Slidre. Mora er skriven *Husmandskvinde*, enkje. Ved teljinga [1875](#) finn vi ikkje **Ola Andersson** i Beito. No finn vi berre mor hans, Anne Eriksdtr. og yngste systera, Marit Andersdtr registrert på lno 197b *Haugen* (Beitho nordre). Enkja Anne nyder Understøttelse fra Fattigkassen og har *delvis Brugeligt livøre*.

Vi lyt like fram til [22/3-1890\[#4\]](#) innan vi støyter på **Ole Andersson** att. Han var då brudgom i [Avaldsnes kyrkje](#). Han gifta seg med **Marta Lisbeth Toresdtr**, dotter til Tore Jonasson og Lisbet Aadnesdtr, f på [Skeie i Avaldsnes](#) 11/1, dpt Avaldsnes [19/1-1845\[#7\]](#) og konfirmert Avaldsnes [16/10-1859\[#45\]](#). Ho budde ved [FT1865](#) saman med foreldra og brørne Christian og Jonas m fam. på Skeie lno 24. Ti år seinare, ved [FT1875](#), budde ho framleis på Skeie saman med foreldra og ei tenestjente. Ei pdf-fil frå 'slektsforumkarmøy' syner ei oversikt for «[Gardsnr. 83 Skeie](#)» med «*Oppdatering av noen av de familiene som har bodd der*».

Ved FT1891 for Avaldsnes finn vi personsedlar for *Gaardbruger, Bygselmand*, enkemann Tore Johnasen, *Svigerson Ole Andersen*, «*Gaardsbrug hod Svigerfaderen paa Bruget*» og Martha Lisabeth Thorsdatter. Dei vart registrerte i [Husliste #78](#) i teljkrins 1:Kyrkjebygda, Skeie gnr 24/12.

[FT1900](#) plasserer **Marta Elisabet** og **Ole Andersen** på Skeie gnr 24/11,12 i Avaldsnes. Ti år seinare vert dei skrivne **Ole Beiten** og **Marta Elisabet Beiten**, [FT1910](#) syner at dei då hadde adoptivsonen **Tore Aadnesen**.

Tore Johannes var son til Aadne Jonassen og Berte Serine Bendiksdtr. Han var fødd på Skeie 30/6-, dpt Avaldsnes [9/8-1896\[#30\]](#) – Ådne Jonasson var bror til Tore Jonasson – **Tore Johannes** vart såleis syskenbarnet til fostermor **Marta Elisabet**.



Koparkisarbeidarane, Vegarbeidaren og Misjonseleven

Tittelen er litt inspirert av C S Lewis «[The Lion, the Witch and the Wardrobe](#)»

Stubbskrivaren lyt tilstå at han for mange år sidan var stor fan av «[Simon the Sourcerer](#)»

FT1865 syner at [Lars Pedersen](#) og [Ole Olsen](#) frå *Urdals prgj.* samt [Andrias Ellingsen](#) frå *Valders prgj.* har tilhald i Avaldsnes, Vixnæs Kobberværk, og vart alle tre skrivne «*Logerende .. Dagarbeider I Gruben*». - Les gjerne nettsidene [Vigsnes kobberverk](#) og [Om gruvene på Karmøy](#). De kan gjerne ta med videoen [Vissnes Kobbergruve](#) og nettsida [Visnes Gruvemuseum](#).

Eg vel å tru at **Lars Pedersen** er karen som vart fødd på [Søreiseige](#) i Aurdal 4/9-, dpt Aurdal krk. [6/10-1833](#)^[#56] og konf Aurdal [9/7-1848](#)^[#27]. Han gifta seg [14/11-1861](#)^[#11] med [Astrid Ellingsdtr.](#) Paret fekk ei dotter på Øydgardseige f 21/4, dpt [3/6-1866](#)^[#32]. Neste barn var [Peer\(Per\)](#) f 20/11-1868, dpt [18/4-1869](#)^[#20] – så det var fullt mogeleg for **Lars** å vera i arbeid i Avaldsnes kring årsskiftet 1865/-66.

Det er så mange **Ola Olson**-ar fødte i Aurdalsbygdene 1846 at eg tør ikkje peikje ut nokon «mistenkt». - Men når det gjeld [Andrias Ellingsen](#) er det ein Vangsgjelding eg har sterk mistanke til! Det vart fødd ein gut på [Vøvle](#) (Vevle, Veflen) i Høre 24/6, dpt [16/7-1843](#)^[#78] med namnet **Anders** (skrive **Andris** i bygdeboka). Guten vart konfirmert [20/6-1858](#)^[#8]. Han var son til [Elling Olson](#) og [Anne Andrisdtr.](#) De finn omtale av familien på [side 212](#) i «*Gardar og Slektar i Vang*», band C.



Postkort frå Visnes



Ved Visnes gruvemuseum 28. mars 2018 - foto ohf

I [Kopervik på Karmøy](#) budde ved [FT1865](#) *Dagarbeidar Anders Arnesen* frå *Nordre Aurdals prgj.* og kona **Siri Andersdatter** frå *Søndre Aurdals prgj.* Dei var då leigebruarar hjå *Ølhandler Ole Amundsen* og kona *Gina Larsdtr.*

Anders var son til [Arne Erikson](#) og [Anne Olsdtr.](#) Han var f på *Bjørgoeige 4/6-1828*, dpt *Aurdal krk. 12/7-1829[#57]*. **Siri** var fødd på *Jukamseige 18/10-*, dpt *7/1-1830[#72]*, konf *18/10-1847[#8ovanfrå]*. Dei fekk tre born i Nord-Aurdal: sonen **Anders** var f i *Ton 26/3-*, dpt *Aurdal 8/5-1857[#35]*. **Arne** f *Tonseige 9/10-*, dpt *31/10-1858[#62]* og **Anne Karine** f *Ton 2/11-*, dpt *25/11-1860[#79]*. Ved desse tre barnedåpane er foreldra skrivne «*hf*»; husmannsfolk. – Så har familien lagt ut på reise.

Dottera **Anna Karine** vart fødd på [Haugsnæs](#) i *Ulvik prgj. 26/10-*, dpt *Granvin krk. 29/11-1863[34]*. Her vart foreldra skrivne «*Reisende folk*». Dottera **Inger Maria** vart f på *Langsæter* i *Kinsarvik 29/4*, dpt *Kvam prgj. 25/5-1865[utan nr]*. Her vart faren skriven *Veiarbeider*. Godt og vel eit halvt år etter var familien komne til [Kopervik](#). - [FT1875](#) fortel at **Anders** då var «*Inderst og Veivogter*» og budde på *Nedsthun*(Nestun) i *Fana*. No var to nye born komne til, **Oline Antonine** f *Reistad 14/9-*, dpt *Samnanger krk. 16/10-1870[#50]* og **Ingeborg Serine** f *Storetvedt 3/9-*, dpt *Birkeland krk. 18/10-1874[#85]*. Tvillingane **Edvard Alfred** og **Anton Albert** vart fødte på *søndre Solheim 1/4-*, dpt *Årstad krk. 14/4-1878[#15&16]*. **Siri** og **Anders** budde ved [FT1891](#) i [Svanevig](#), *Årstad*. **Anders** var då *Veivogter og Bruger af 1 stykke gard. 3/4-1895* reiser **Anders, Siri** og **Anton Albert** frå *Bergen* med [Thingvallalinjen](#).



Dampskibsselskabet Thingvalla.

Ved [FT1865](#) finn vi **Knud Ellingsen Skaar** som «*Missionselev*» med bustad i *7 Rode, nr 1412* i *Stavanger kjøpstad*. **Knut** var son til [Erling Haraldson](#) og [Berit Knutsdtr.](#) f *10/2-*, dpt *Skrautvål krk. 5/2-1837[#23]*, konf *27/7-1851[#2]*. I «[Programtale ved Misjonshøgskolens 150-årsjubileum](#)» kan de finne meir opplysningar om 'Missionskolen'. **Knut** er omtala på sidene [739/740](#) i «*Valdres bygdebok. 5 1 : Næringsvegane Villdyr og veiding, fiske, turistferdsel, handverk og handverkarar*» - og på side 549 i «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*», band A.

Misjonshøgskolen, tidligere høgskole. Grunnlagt 1843 som *Misjonsskolen*, et navn den bar til som 1977. Eid av Det Norske Misjonsselskap og har historisk vært en institusjon for utdanning av norske misjonærer.

Fra 1954 måtte studentene ved Misjonshøgskolen avlegge teologisk embetseksamen ved Universitetet i Oslo eller Menighetsfakultetet.

I 1979 fikk den selv innvilget eksamensrett og er dermed blitt et av landets tre teologiske fakulteter. De ulike studieprogrammene fokuserer særlig på bygging av kompetanse til å tolke og formidle på tvers av religiøse og kulturelle grenser. Det Norske Misjonsselskaps arkiv, NMS Arkiv, er tilknyttet skolen som et forskningsarkiv.

Misjonshøgskolen hadde høsten 2013 ca. 350 studenter og 16 lærere, hvorav 10 med professorkompetanse. Rektor fra 2010 var professor Bård Mæland. Misjonshøgskolen tilbød da utdanning i teologi, religion og interkulturell kommunikasjon på bachelor-, master- og ph.d.-nivå.

Fra 1. januar 2016 ble Diakonhjemmet Høgskole, Haraldsplass diakonale høgskole, Høgskolen Betanien og Misjonshøgskolen fusjonert. Den nye institusjonen heter VID - vitenskapelige høgskole og er en vitenskapelig høgskole.

Artikkelen hjå «[Store norske leksikon](#)»

«Rømt fra Famelien»

«*Sørrebøe-Eie*» vart skriven som fødestad for **Gunhild Olsdtr** då ho vart døypt i [Aurdal krk. 30/11-1845\[#56\]](#). Ho var fødd 16/10 s.å og foreldra var inderstfolka **Ola Julson** og **Ragnhild Knutsdtr**. Ho vart skriven *Juven* ved konfirmasjon i Aurdal [1/7-1860\[#18\]](#). Eg vil tru det er ho som er *Tjenestepige* på *vestre Skjefstad*, Hoff sokn, Østre Toten ved [FT1865](#). Ho var komen attende til Aurdal innan [FT1875](#), då var ho hjå foreldra på Blankebakken lno 250a. Ho hadde då to «*uekte born*», **Johanne Karoline** (dpt Aurdal [5/6-1870\[#21\]](#)) og **Ola Andreasson** (dpt Aurdal [16/3-1879\[#11\]](#))

Far til brura, **Ola Julson** og **Ole Am. Sørbraaten** var forlovarar då **Gunhild** gifta seg i Aurdal krk. [1/7-1860\[#2\]](#) med *Ungk & Husmds* **Anders Andersen**, fødd Kleppe i Holmedal prgj. – Mykje tyder på at dette var **Anders**, uekte son til **Anders Andersen** og *gmdtr* **Severine Andersdtr Hagenæs/Kleppe**, f 2/2-, dpt [9/3-1851\[#17\]](#).

Dei to eldste borna vart døypte i Aurdal; **Anne Sofie** ^A f Blankebakke 23/10-1877, dpt [24/2-1878\[#3\]](#), konf Haugesund [9/4-1893\[#19\]](#). **Ragna** ^B f Blankebakke 20/6-, dpt [1/8-1880\[#16\]](#), konf Haugesund 6/10-1895[#26]. – Ministerialbok nr 7 for Vang prgj. i Valdres syner at *gift Mand, Dagarbeider Anders Andersen Lunds-eie af Blankebakken under Frydenlund i Nordre Aurdal, oppr Kleppen i Holmedal Søndfjord* er skriven som far til jenta **Marit**, dotter til Pige **Randi Olsdatter Lund**(Præstegaardseie). **Marit** vart fødd 18/6, dpt [12/9-1880\[#27\]](#).

Olava Amalie ^C vart fødd på [Hindaråker](#) 22/8-1882, dpt [Avaldsnes krk. 21/1-1883\[#6\]](#), konfirmert Haugesund [4/10-1896\[#29\]](#). **Ole Andreas** ^D vart fødd på [Utsira](#) (han burde difor bli ein [god «gievar»](#)) 13/9-, dpt Haugesund [2/11-1884\[#111\]](#), konf Haugesund [2/10-1898\[#33\]](#).

Familien budde ved [FT1885](#) i Kaiegaden 1 i Haugesund kjøpstad. **Anders Anderson** vart då skriven *Grubearbeider*, og eg går då ut frå at han arbeidde i kopargruvane på Vigsnes.

Eg reknar med at det er «vår» **Gunhild Andersen (#5)** i vi finn i [Husliste nr. 27](#) for teljekrins 8 i Haugesund for FT1891. Diverre [manglar mange personskjema](#) for fleire huslister i denne teljekrinsen.

[FT1910](#) gav tittelen til stubben. Då budde **Gunhild** i [Grønhauggade](#) 81 saman med dei to yngste borna. Dei same tre finn vi ved [FT1910](#) busette i [Strandlinjen](#) 21.

Finaasgt 9 vart skriven som «*Bopel*» då *Enke Gunhild Andersen Lund* døydde [4/10-1924\[#55\]](#), gravl 11/10 s.å. «*Galdeblærebetennelse*» vart notert som dødsårsak.

Ragna ^B gifta seg i Haugesund [1/1-1900\[#1\]](#) med **Severin Hansen**. Han var son til [bøkker Jens Hansen](#) og **Cecilie Thomasdtr**, f 3/9-, dpt Haugesund [26/10-1879\[#88\]](#), konf [1/10-1893\[#43\]](#). – **Ragna** og **Severin** vart foreldre til (alle borna fødte i Haugesund): **Sigurd Ragnvald** ^{B1} f 15/12-1895, dpt [15/3-1896\[#16\]](#), konf [3/4-1910\[#4\]](#). **Jens Celius** ^{B2} f 22/4-, dpt [4/6-1900\[#55\]](#), konf [2/5-1915\[#40\]](#). **Georg Andreas** ^{B3} f 14/5-, dpt [21/6-1903\[#80\]](#), konf [13/5-1917\[#74\]](#). **Hans Emil** ^{B4} f 10/6-, dpt [9/9-1906\[#102\]](#). **Vegner Severine** ^{B5} f 29/4-, dpt [14/6-1908\[#62\]](#). **Gunhild Cecilie** ^{B6} f 16/7-, dpt [10/10-1909\[#68\]](#). **Ragnhild Sigfrida** ^{B7} f 17/7-, dpt [27/9-1916\[#173\]](#).

DISgravminner syner at **Ragna** ^B **Hansen** døydde [1943](#), gravl [Søndre Hauge gravlund](#) 16/6 s.å. *Kjærnemester Severin Hansen* døydde [1946](#), gravl 21/9 s.å. – **Sigurd Ragnvald** ^{B1} døydde [3/8-1869](#), gravl Haugesund 7/8 s.å. Han deler gravstein med foreldra og **Hilda Kristine** f Helgesen. (15/4-1896 – [19/2-1990](#), gravl 8/3 s.å.

Anne Sofie ^A gifta seg i Aurdal krk. [28/9-1897\[#8\]](#) med **Ola N Solberg**. To av borna deira kom attende til Haugesund; **Gustav Ragnvald** ^{A2} var f 4/10, dpt Aurdal [25/12-1899\[#18\]](#), konf Haugesund [7/12-1913\[#48\]](#). Han vart skriven *Postbud* då han gifta seg i Haugesund [1/2-1920\[#11\]](#) m **Katrine Hauge**, f Haugesund 16/4-, dpt Skåre krk. [22/6-1902\[#11\]](#), konf [3/12-1916\[#42\]](#). **Gustav** døydde [11/7-1931](#), gravl Nordre Hauge gravlund 17/7 s.å. **Gustav** og **Kathrine** hadde m.a. sønene **Nils Karl** ^{A21} ([20/6-1922](#) – [8/7-1942](#)) og **Gerhard Kristoffer** ^{A22} ([1/6-1924](#) – [12/8-1950](#))

Oskar Kristoffer ^{A3} vart f 9/2-, dpt Aurdal krk. [1/4-1904\[#9\]](#). Vi finn han hjå DISgravminner med dødsdato [6/8-1985](#). Han kviler på [Vår Frelzers gravlund](#) i Haugesund der han deler gravstein med **Ingeborg Elene Rossebø** ([8/12-1913](#) – [17/2-1897](#)).

Solveig Ottilie ^{A6} var fødd på Salsåbø i Aurdal 14/4-, dpt Aurdal [15/5-1910\[#12\]](#). Vi finn henne gift i [Johanneskrk.](#), Bergen [13/10-1937\[#101\]](#) med **Jakob Magne Kvinsland**, f 1904 i Haugesund.

Ola Sivertson Åberg fann «det største sylvfund i Rogaland» Men tru om «nordpila» hans peikte mot vest ????

Fornfund. Det største sylvfund i Rogaland og det næst største i heile landet er frå denne garden. For 100 år sidan, i februar 1836, fann Ola Sivertson Åberg skatten, då han heldt på rydja i ein bakke attmed Mosbekk-ura. Det var 1650 sylvmynter og stykke av desse, og dessutan ein arming, ein fingerring, ei spenne o. a. alt av sylv. Myntene som vog yver 2 kg. var alle utanlandske. Dei fleste angelsaksiske og tyske, nokre få var irske, svenske, danske, böhmiske, kufiske (arabiske) bysantinske og franske.

Fundet meiner dei er nedlagd i 1030, same året som slaget på Stiklestad var. Den som har gøymt dette sylvet under steinen, har vel tenkt å berga det i ufredstider, eller han har tenkt å trygda seg i eit anna liv, når han laut fara frå denne heimen?



Teksta ovanfor er henta frå «*Jubileums og bygdebok for Eigersund herad*» [side 175](#). Mykje tyder på at karen som fann sylvmyntane m.m. var Åbjøring.

Ola Syverson var fødd i Åbjør i 1780, døypt i [Aurdal kyrkje 10/9-1780](#)[Vside, nedst]. Foreldra var [Syver\(Sjugurd\) Olson](#) og [Anna Andersdtr.](#) **Ola** vart farlaus som seksåring og mor hans gifta seg oppatt med enkjemannen **Ola Mekjelson**. - **Ola Syverson** hadde heilsyskena [Marit](#) (dpt Aurdal [18/10-1772](#)), [Anders](#) (dpt Aurdal [7/12-1777](#)) og [Marit](#) (dpt Aurdal [25/12-1783](#)).

Sidan det ikkje er notert konfirmasjonar i Aurdal prestegjeld i åra 1796, -97 og -98 er det truleg at **Ola Syverson** var konfirmert i denne perioden. – Ved [FT1801](#) finn vi «*Underjeger ved norsk jegercorps*» **Ole Syvertsen**, 19 år gamal, *in*qvarteret i [Waterlands](#) tvergade no 205 og 206.

Så går det nokre år innan eg treffer på **Ola Syverson**. Men [15/12-1818](#)[#20] finn vi at møller **Ole Siverson** giftar seg med pigen **Rachel Simmundsdatter** i Eigersund prestegjeld. Diverre er alderen til brureparet ikkje nedskrive. Om han **Ola** drog vestover etter militærtjenesta i Kristiania – eller om han tok ein tur nordover til Valdres innan han sette kursen mot vest - og hamna i Eigersund - det ligg i ei historisk skodde.

Kven var så **Rachel(Rakel) Simonsdatter**? – Ein meiner at ho var fødd på Sørstrøm i Tranøy prestegjeld i Troms (sjå [soknehistorikk for Troms](#)) og døypt i Tranøy «*Dom XIII post Trinit*». Dette vert etter [Bauers kalender 18/9-1791](#)[Hside, nedste avsnitt]. Ved [FT1801](#) vert jenta skriven **Ragnel Simonsdatter**. Ho budde då på [Finsæt](#) (i [Sørreisa](#)) – saman med foreldra [Simon Haagensen](#) og [Jørrøn Rasmusdtr](#) og dei eldre systrene Ane og Karn. - Dåpsinnførsla syner at det har vore to jenter med patronym Simonsdtr til dåp same dag. Det er ikkje utenkjeleg at kyrkjebokskrivaren har blanda saman namna til fedrene. - Då **Rakel Simonsdatter** vart [konfirmert i 1806](#)[#24], vart det notert i kyrkje-boka: «*Rakel Simonsdr, født i Sørstrøm, nu hos faderen Simon Haagensen Findseth, i det 16de Aar, læser godt i Bog, har grundig Indsigt i Religions...*» (Om [Sørreisa kirke](#) hjå Wikipedia)



Sørreisa bygdebok: [Gård og slekt, bind 2](#) fortel på [side 141](#) og vidare om [Simon Håkonson](#) og [Jøren Rasmusdtr](#) på [Finnset](#) (gnr 17/1- sjå kartet ovanfor). Bygdeboka fortel at [Simon](#) og [Jøren](#) kom frå Alvdal. Likeins bekreftar bygdeboka teorien om at **Rakel** vart gift i Eigersund. Eg kan nemne at tipp-tippoldebarnet til [Simon](#) og [Jøren](#), Hermod Finnset, er nemnd i stubben «*To karar med lang fartstid ved jernbanen*». Lat meg ta med at ei jente Hermod Finnset var farbror til, gifta seg med ein av mine vener. [Simon](#), [Jøren](#) og borna er nemnde hjå «[My Heritage](#)»

Møllar **Ola Syverson** og **Rakel Simonsdtr** vart opphav til borna: **Anne** ^A f Aarstad 8/8-, dpt Eigersund [2/9-1819](#)[#22], konfirmert [6/10-1833](#)[#32]. **Simund** ^B f 16/2-, dpt Eigersund [12/3-1824](#)[#7] og **Severin** ^C f om lag 1833, konf [3/10-1847](#)[#13] i Eigersund prgj. – «Spelereglane» for [oppattkalling](#) vart fylgde (Simund/Simon og Severin/Syver(Sjugurd) ! **Anne** vart nemnt i [eit spørsmål hjå Digitalarkivet](#).

Pigen **Anne Olsdtr Aaberg** gifta seg [14/12-1837](#)^[#3] med *ungkarl/styrmand* **Asbjørn Eriksen Hadland**. Brura vart notert med alder 18 aar, brudgommen var 24 aar gamal. **Asbjørn** var son til **Erik Erikson** og **Inger Asbjørnsdtr**, fødd i juli 1814, dpt i Egersund [21/8 s.å.](#)^[Hside # 21(3)]. Der er vel denne **Erik Erikson** vi finn ved FT1801 på Hadland, 11 år gamal, son til «*Gaardbrugende bonde*» Eric Pedersen og Ingebor Sophie Tjærandsdtr. **Eric Pedersen** finn vi i 'Odelsmantal 1805', i før nemnde *Jubileums og bygdebok for Eigersund herad* [side 206](#). **Asbjørn** og **Anne** er nemnde hjå [MyHeritage](#).



Postkort frå Egersund

Borna til **Anne**^A og **Asbjørn** var alle fødte, døypte og konfirmerte i Egersund: **Ole**^{AI} f 1/6-, dpt [18/9-1841](#)^[#42], konf [30/9-1855](#)^[#8]. **Inger**^{A2} f 29/7-(Olsokdagen), dpt [12/10-1843](#)^[#49], konf [30/10-1858](#)^[#2]. **Rachel**^{A3} f 10/12-, dpt [20/12-1847](#)^[#120], konf [5/10-1862](#)^[#7]. **Caroline Sophie Amalie**^{A4} f 11/8-, dpt [25/8-1850](#)^[#82], konf [30/9-1866](#)^[#8]. **Lars Samuel**^{A5} f 26/5-, dpt [17/7-1853](#)^[#99], konf [6/10-1867](#)^[#15]. **Jørgine**(Georgine)^{A6} f 18/5-, dpt [25/6-1856](#)^[#59], konf [10/10-1871](#)^[#9].

Rakel Simonsdtr døydde på Aarstad [10/6-1847](#)^[#31], gravl 16/6 s.å. **Ola Syverson** døydde òg på Aarstad, [23/9-1849](#)^[#47], gravl 28/9 s.å. Dei kviler truleg på [Egersund gravlund](#).

Severin^C **Olson Aaberg**, *logerende sømand*, budde ved [FT1865](#) i Strandgaden 12, hjå store-systera **Anne (Hadland f Aaberg)** og familien hennar. Husfar **Asbjørn** er *Skipper*, eldstegut **Ole**^{AI} vart skriven *Styrmand*. På same adresse finn vi «*Bogtrykker*»-familien Andersen.

Skipperborger **Asbjørn Eriksen Hadland** døydde i Egersund [22/9-1868](#)^[#61], gravlagd 29/9 s.å. Han vart notert med alderen 54 aar i ministerialboka.

Liste nr 10 for [Strandgade](#), Rode 22 ved [FT1875](#) syner at **Anne Hadland** (født *Aaberg*) var Leieboerske(#8). Ho vert «*forsørget af Børnene*» **Lars Samuel**^{A5} (former ved *Fayancefabrikken*) og **Jørgine**(Georgine)^{A6} som «*hjælper Moderen særlig ved Syning of Vask*». Styrmand **Ole**^{AI} Hadland var «*Fraværende – paa Reise til America*». (Ver merksam på at samhörande side ligg [2 sider bakanfor](#))

Ole^{AI} **Hadland** starta ekteskap i Egersund [9/4-1878](#)^[#23]. Brura heitte **Oline Georgine** – ho var dotter til *baadsmand* **Andreas Vilhelmsen** og **Christiane Christophersdtr**. Ho var f i [Fredriksværn](#) 11/9-, dpt i [Fredriksværn krk.](#) [26/12-1851](#)^[#47].



Oline Georgine(Jørgine) og **Ole**^{AI} vart foreldre til: **Asbjørn Andreas**^{AI1} f 6/4-, dpt [27/4-1879](#)^[#52], konf [30/9-1894](#)^[#10]. **Andreas Vilhelmsen**^{AI2} f 24/10-, dpt [26/11-1882](#)^[#40], død (dødsårsak: *krampe*) [25/12-1882](#)^[#2], gravl Egersund 3/1-1883. **Kristiane** (Christiane)^{AI3} f 3/9-, dpt [9/10-1887](#)^[#35], konf [4/10-1903](#)^[#3]. **Andreas Vilhelmsen**^{AI4} f 10/3-, dpt [30/3-1890](#)^[#8], konf [1/10-1905](#)^[#6]. **Anne Aaberg**^{AI5} f 21/7-, dpt [11/9-1892](#)^[#27]. **Jørdis Ovidia**^{AI6} f 7/12-1898, dpt [1/1-1899](#)^[#1], konf [4/5-1913](#)^[#29]. - Dalane Folkemuseum har frå [fotograf Torjusen](#) eit bilete av familien. De finn det hjå [Digitalmuseum](#). *Tekst til biletet:*

foran fra venstre: 1: Jørgine Oline Hadland, 2: Anna, 3: Ole Hadland, seilskuteskipper, senere vaktmester på A/S Egersunds Fayancefabriks Co.

Bak fra venstre: 1: Hjørdis, 2: Asbjørn Hadland, skolebestyrer, 3: Christiane Hadland, arbeid på kemnerkontoret, 4: Anders W. Hadland, telegrafist i Oslo.

Vi finn **Oline** og **Ole** med sonen **Asbjørn Andreas** ^{A11} ved teljinga i [1885](#) busette i Storgade lno 197a,195 i Egersund Ladested. Oversiktslista ved [FT1891](#)(krins1,#15) syner at familien då budde i [Strandgaden 29](#), de finn personsedlane med [#5](#), [#6](#), [#7](#), [#8](#) og [#9](#). **Ole** ^{A1} var då *Skibsfører*.

Ved [FT1900](#) har familien framleis [Strandgaden](#) som bustadsadresse. Ti år seinare, ved [FT1910](#), finn vi dei tre jentene og foreldra med adresse [Peder Clausens gate](#) 44. **Ole** ^{A1} **Hadland** var då portner ved [Fajansefabrikken](#). **Anna Aaberg** ^{A15} var *Fayancemalerske*.

Ved 1910-teljinga budde **Asbjørn Andreas** ^{A11} mellombels på [Paulus plass](#) 4 i Kristiania, han var lærar ved folkeskulen i Egersund. Han var då gift med **Guri Olsdtr Myklestad**. Ho var dotter til gardbrukar **Ole Torbjørnson Unneland** f 1841 i Tysnes, Sunnhordland og **Torbjerg Nilsdtr. Guri** kom til verda på [Unneland](#) i Haus prgj. 9/1-, dpt Haus [31/3-1872](#)[#45], konfirmert [Birkeland krk.](#), Fana prgj. [24/4-1887](#)[#4]. - **Guri** var ved teljingane [1875](#) og [1891](#) busett på [Sandal i Fana](#). I 1891 var ho *Butikjomfru hos Landhandler*. Ho er teken med i ein [GENIprofil](#) som syner morslekta hennar. **Ole Myklestad** er nemnt i [Fana bygdebok](#) band 2, [side 132](#). **Guri** døydde i Egersund [9/7-1916](#)[#22], gravlagd 14/7 s.å.

Enkjemann **Asbjørn Andreas** ^{A11} gifta seg for andre gong [6/4-1918](#)[#4] med **Gustava Lovise Aarstad**. Ho var dotter til enkjemann **Lauritz Ludvigson Feyling** og **Gurine Omundsen Melhus** – fødd på Melhus i Egersund landsokn 25/11-1884, dpt [11/1-1885](#)[#3], konf [1/10-1899](#)[#27]. Ho var i [FT1900](#) registrert busett på Aarstad gnr 13/1 i Egersund herad. Ho var ved [FT1910](#) tenar hjå familien Thiis i Vaalandsgate 57 i Egersund.

Gustava Lovise og **Asbjørn Andreas** ^{A11} fekk borna **Odd Hadland** ^{A211} f Egersund 8/8-, dpt [21/8-1919](#)[#31], død [13/10-2009](#), gravlagd 20/10 s.å. [Lagård gravlund](#) i Stavanger. Dottera **Gerd Hadland** ^{A212} kom til verda på [Fødselstiftelsen, Bergen](#) 17/1-. dpt Fødselstiftelsen [26/1/1921](#)[#12] (også innført i [Nykirken, Bergen](#)[#0]). **Hjørdis Hadland** ^{A213} f 2/2-, dpt Nykirken [4/3-1923](#)[#11].

Eg går ut frå det er **Gerd** ^{A212} vi finn gravlagd [16/10-2012](#) på [Randaberg kyrkjegard](#). Ho døydde 8/10 s.å. Ho deler gravstein med **Herbert Johan Hellem** (22/4-1923 – [29/9-2015](#)), gravl. 8/10-2015. Han hadde i 2008 bustad i [Randaberg](#).

Hjørdis ^{A113} **Hadland** gifta seg iflg [opplysningar hjå MyHeritage](#) i 1949 med **Bjarne Johannes Soma Alknes** f 30/8-1924 på Sagene, Oslo. Ho døydde i 2014 ([side 13](#) i Naboposten – Oppsal Menighetsblad).

Andreas Vilhelmsen ^{A14} **Hadland** finn vi hjå DISgravminner med dødsdato [27/1-1983](#). Han vart gravlagd på Vår Frelzers gravlund I Oslo 2/2 s.å. På same gravnummer kviler **Ingeborg Bolette Hadland** (28/6-1892 – 17/9-1975) og **Ole Martin Hadland**, gravl. 18/10-1937. **Ingeborg Bolette** finn ein og i ein [GENIprofil](#). Foreldra hennar var **Martin Fredrik Lem** f 1855 i Kristiania og **Vilhelmine Oline** f 28/12-1863, dpt Røyken [13/3-1864](#)[#17]. **Ingeborg Bolette** vart både ved [FT1900](#) og [FT1910](#) registrert med adresse Torvet 10 i Kristiania. I 1910 var ho *elev ved Telegrafkurset*. På gravnummeret inntil **Ingeborg Bolette** og **Andreas** finn vi **Ole Martin Hadland**, død 18/10-1937. Eg undrast på om han er sonen deira.

Ugift Butikjomfru Jørdis Ovidia ^{A16} døydde [26/3-1916](#)[#11] og vart gravlagd i Egersund 1/4 s.å.



Diverse produkt frå Egersund Fayancefabrik

Inger ^{A2} **Asbjørnsdtr Hadland** gifta seg i Egersund [17/10-1869](#)[#16] med skibsfører **Ole Emil Asbjørnsen**. Han var fødd i Kristiansand 14/10-1839, dpt [19/1-1840](#)[#38] og konfirmert [2/10-1853](#)[#14]. Foreldra hans var *malermester* **Lars Asbjørnsen** og **Ingeborg Marie Iversdtr.**

Ole Emil budde ved [FT1865](#) i 0159 Ø. 11te Qvartal i Kristiansand saman med dei yngre syskena Thorvald, Josephine, Alfred og Lovise.

Ved [FT1875](#) budde **Inger** ^{A2} og **Ole Emil** i [Festningsgate 38](#), lno 280C i Kristiansand. Dei hadde då dottera **Anna** ^{A21}, f Kristiansand 5/2-, dpt [26/2-1871](#)[#46], konfirmert Egersund [2/10-1887](#)[#1]. Mor og dotter budde midlertidig hjå familien Berntsen i Årstadgate 120 ved [FT1885](#); **Inger** ^{A2} var då *Skipperenke*.

Både teljinga [1900](#) og [1910](#) syner at dei då budde i [Kristian IVdes Gade](#) 36 i Kristiansand. **Inger** [A2](#) var i 1900 *Pensjonatværtinde*, i 1910 dreiv ho *Smaahandel*.

Jørgine [A6](#) **Hadland** starta ekteskap med *boktrykker* **Peder Olaus Ohme** [27/10-1881](#)[\[#13\]](#). Han var son til boktrykkar **Rasmus Pedersen Ohme**(Oma) og **Teodora Margretta Thorsen**. Familien budde ved [FT1865](#) i Holmens Rode, gard nr. 8 i Stavanger kjøpstad. **Rasmus** var då *Bogtrykkersvend*.

Peder Olaus var fødd i Stavanger 15/4-, dpt i [Stavanger Domkrk.](#) [7/5-1854](#)[\[#160\]](#), konf Eigersund [3/10-1869](#)[\[#13\]](#). Familien kom frå Stavanger til Egersund med attest datert [11/4-1868](#)[\[#1-7\]](#).



Fotograf Torjusen har også hatt Ohmefolket innom for å få teke familiebilete som de no finn hjå [Digitalmuseum](#). Tekst til biletet:

Bak fra venstre: 1: Thor Emil Ohme, 2: Asbjørn Hadland Ohme, 3: Gunval Ohme, 4: Peder Olaus Ohme (boktrykker).

Foran fra venstre: 1: Inger Theodore Ohme, 2: Theodore Margrethe Ohme, 3: Else Eie Ohme, 4: Rasmus Ohme, 5: Georgine Ohme.

Jørgine [A6](#) (Georgine) og **Peder Olaus** fekk borna: **Joachim Theodor** [A61](#) f 12/12-1881, dpt [5/2/1882](#)[\[#5\]](#), konf [3/10-1897](#)[\[#2\]](#). **Asbjørn Hadland** [A62](#) f 2/9-1883, heimedpt 17/9-1883, død [22/9-1883](#)[\[#21\]](#), gravl 27/9 s.å. **Asbjørn Hadland** [A63](#) f 12/4-, dpt [23/5-1886](#)[\[#17\]](#), konf [12/10-1902](#)[\[#10\]](#). **Torborg Margrethe** [A64](#) f 16/7-, dpt [5/8-1888](#)[\[#21\]](#), konfirmert [9/10-1904](#)[\[#9\]](#). **Arne Emil Aaberg** [A65](#) f 16/10-, dpt [23/11-1890](#)[\[#30\]](#), død [5/7-1893](#)[\[#15\]](#), gravl 11/7 s.å. **Ragnhild** [A66](#) f 8/9-, dpt [13/11-1892](#)[\[#41\]](#), konf [4/10-1908](#)[\[#4\]](#). **Ingrid Elise** [A67](#) f 29/12-1894, dpt [24/2-1895](#)[\[#6\]](#), konf [2/10-1910](#)[\[#2\]](#).

[FT1885](#) fortel at familien då budde i Aarstadgade 122b. Teljinga i [1900](#) seier berre at bustaden er i Aarstadgaden – medan [FT1910](#) har Aarstad gate 10 som bustadadresse.

Joachim Theodor [A61](#) budde ved [FT1900](#) i [Huitfeldtsgade](#) 9 i Kristiania. Han var då *kontorist hos Høydahl Ohme*, reklamebyrået som farbroren Rasmus Høydahl-Ohme starta i 1897 ([Sjå NBL](#)). Han budde ved [FT1910](#) i Aarstad gt 10 i Egersund, då var han *kontorfuldmæktig*. «[Merkantilt biografisk leksikon](#)» fortel at han frå 1906-1923 held til i Frankrike. Han er også med i ei oversikt hjå «[Schroder-Williams Family Database](#)». Oslo fylke, Adressebok 1940 syner at **J Th Ohme** då hadde eksport-/import/agenturfirma i Tollbugt 3, Oslo og bustadadresse Haimdalsv. 20 på Stabekk. DISgravminner syner at han døydde [9/8-1961](#), gravl [Haslum kirkegård](#), Bærum 17/10 s.å. Med same gravnummer finn vi **Anne Kristine** (Hasselberg) **Ohme** (21/2-1896 – 28/9-1972), gravl [19/10-1972](#) og **Arne Ohme** [A611](#) ([22/9-1924](#)[\[#112\]](#) – 25/10-1979), gravl [19/5-1980](#). **Bjørn Hasselberg Ohme** [A612](#) vart fødd 14/5-, dpt Høvik krk. [2/10-1927](#)[\[#116\]](#). Han er nemnd i [Historisk befolkningsregister](#).

Torborg Margrethe [A64](#) gifta seg i Egersund [15/12-1917](#)[\[#16\]](#) med *styrmand* **Nikolai Jørgen Dahl**. Han var f i Bakkegaden 10 i Trondheim 21/5-, dpt i [Bakke krk.](#) [17/6-1888](#)[\[#69\]](#) og konfirmert i Frue sogn, Trondheim i 1904. Foreldra hans var *materialforvalter* **Nils Julius Dahl** og **Lovise Jakobsen**. **Nikolai Jørgen** er nemnt i [krigsseilerregisteret](#) (sjøhistorie.no). Ein [GENIprofil](#) fortel at han døydde i 1976. Torborg er med på eit bilete; «[Avgangselever ved Egersunds Middelskole](#)» (Foto:Torjusen)

Ragnhild [A66](#) fann seg ektemann i Botne i Vestfold. Ho sto brur i Egersund [3/7-1920](#)[\[#23\]](#). Brudgom var **Olai Skarrebo**, fødd på [øvre Skårbu](#)(*bygdeboka*)/[Skarrbo](#)(Norgeskart.no) i Botne i Vestfold 10/11-, dpt Hillestad krk. [7/12-1884](#)[\[#8\]](#), konf Botne prgj. [1/10-1899](#)[\[u.nr.\]](#). Han var son til gardbrukar **Kristen Hansen Skarrebo** og **Olava Olsdtr Askjerød**. **Olai** vart ved [FT1891](#) registrert på Skarrebo nr 93/1 i Botne, ved [FT1900](#) var han framleis på Skarrebo – men i [FT1910](#) var han *Underfogdassistent* og busett i [St. Marie gate](#) i Sarpsborg. Botne bygdebok skriv at **Olai** var kemner i Kristiansund. **Ragnhild** [A66](#) og **Olai** finn vi både i ein [GENIprofil](#) og hjå [MyHeritage](#). Lat meg og ta med at ei syster til **Olai** vart mormor til fem av tremenningane mine.



Illustrasjon frå Dreamstime.com

Er «perleporten» breiare for ein Valdris enn for ein Sogning ?

Tru ikkje alt det du høyrer – dobbelsjekk alt det du ser
For gamle vil helst verta yngre – og stundo vert Petter til Per

Diktet som mange har i «minneboka» tåler vel ei omdikting.

[Kyrkjebokinnførsla](#) for for død og gravferd i Skåre sokn i Haugesund fortel at **Kirstine Toresen** dør 24. mai 1896 – og er lagt til siste kvile ei veke seinare. Attlevande ektefelle er gaardbr. **Erik Halvorsen**. Feltet «Fødestad» fortel at Kirstine var fødd i «[Valders](#)» og budde på Stødle. – Men det var uråd å finne denne kona i noko kyrkjebok frå Valdres,

Eit søk i [folketeljinga 1875](#) synte at ho då hadde opplyst teljaren om at ho var Sogning, fødd på Lærdalsøyri. Det same hadde presten fått vite [då ho gifta seg](#) [#8] . Ikkje minst – kyrkjeboka for Hauge sokn i Lærdal prgj, stadfestar at ho var [døypt der - 5. november 1820](#).

Trudde dei at ein Valdris fekk «snillare» handsaming ved perleporten ?

Då **Antonette Sundt** vert [gravlagt på Askøy, 2. januar 1913](#) [#30] , vert ho også innført med fødestad «Valdres». For det fyrste er ikkje Antonette noko vanleg nytta jentenamn i Valdres, for det andre synte [folketeljinga 1900](#) at ho var registrert med fødestad Bergen. Det same seier [teljinga i 1910](#). Nettsida «[Ancientfaces.com](#)» fortel at ei Antonette Sunde «was born in 1847 in Bergen», men kvar opplysninga er henta frå, fortel dei ingenting om. Det er vel helst skrive av frå teljinga 1900 utan å kryssjekke.

Kor snøgt spreidde eit rykte seg frå indre Sogn til Bergen den tida?

Eit snøgt blick på [innførsla](#) [#28] til **Petter Mathias Bugge**, enkjemann og «Afskjediget foged» tyder på at fødestad er «Søndre Aurdals Præstegjeld», men [kyrkjeboka for Valle i Audnedal](#) [V side, 7. nedanfrå] fortel at karen vart døypt 29. september 1803. Her er det «skjønnskripta» til kyrkjebokskrivaren som kan føre oss på ville vegar.

Knut Eriksen, inderst og enkjemann, dør på Tind 24. januar 1911. Her fortel kyrkjeboka at han er [fødd på Lærdalsøren i 1831](#) [#1]. At han [har budd](#) i Lærdal er rett, han vart [konfirmert i Tønjum kyrkje](#) 6. august 1848. Men han gret nok den fyrste skvetten i Valdres. Han var fødd 8. mai og vart [døypt i Skrautvål kyrkje 2. juni 1833](#) [#30]. Meir om karen vert skrive i kapitlet om Nordland fylke.

Lærdølene held vel for seg sjølve at det var gildt å vera Valdris når livet gjekk mot slutten !

Johannes Olsen frå Lærdal gifta seg i Øvrebø, Vest-Agder [24/5-1860](#) med jenta Tone Danielsdtr. Underleg nok har bygdeboka for Lærdal kalla Johannes for **Johanna**. Sidan dette «kjønnskiftet» også forplanta seg til «[Inner Sogn Genealogy](#)», skriv Neil Hofland etter å ha sett ein s i enden på Johanne; «I have performed the surgery so well Tone (his wife) never even noticed. In this case the blame goes to the bygdebok writer. He is Johanna Olsdtr in the bygdebok when the church records show him correctly»

Valdres Bygdebok, «Gardar og slekter i Vang» fortel i [band B, side 476](#) at **Lars Boyeson Torpe** f 1850 var «Lærer i Solør». Eg vågar å tru at denne setningen har kome inn i mange slektslister kringom i verda. Ein må vera forsiktig med å plagiera frå bygdebøker. Hugs at dei er i beste fall andrehandskjelder !!! – Lars var **ikkje** Solung, han var lærar og gardbrukar i Nord-Audnedal i Vest-Agder.

Hordaland fylke (Søndre Bergenhus amt)



**Fødd i Raneisbygden, gift i Finås, budde i Ålesund og døydde i Vikna.
 Dette må då kallast «å vera på reise fot» !**



Knut er namnet på guten som vert døypt i Aurdal kyrkje [10. oktober 1824](#) (# 35). Alle faddrane hans høyrer til på Hjelle, gardsnr. 92 i Nord-Aurdal - Kyrkjeboka fortel at guten vart fødd 15. august og høyrer til [Legd](#) nummer 11, som ser ut til å vera i Raneisbygden. Foreldra er «h.m.d. *Knudt Nilss. RanomsEje* og hustru *Beret Knudtsd*»^A. Mora er fødd på Hjelle og er dotter til *Knut Tølleivson* (1760-1819) frå Hjelle og *Marit Lagesdotter* (1761-1843) frå 'Vesterbøe'. Besteforeldra på farsida er Nils Knutson (1746-1821) og Ingri Arnesdtr (1751-1828)

Vi råkar **Knut Knutsson** neste gong i kyrkjeboka for 1840 – då vert han konfirmert i Aurdal kyrkje [21. juni](#) (# 22). Her er òg nemnt at han er «[vaccineret](#)» 10. desember 1828.



[12. mai 1855](#) (# 1) står «*Ungkarl og Arbeidsmand Knud Knudsen Gjælde af Nordre Aurdals præstegjeld*» brudgom i [Fjelberg kyrkje](#). Brura er den 19 år gamle «pigen *Elisabeth Torbjørnsdatter Bjellebøe*», dotter til Torbjørn Mikkelsen og Guri Olsdotter. Forlovarane er Gunder Gundersen dahlen og C Sydnæs.

Eg finn inga innflyttingsmelding til Fjelberg for Knut Knutson, heller ikkje utflytting frå Nord-Aurdal.

På kartet til venstre er gardane [Bjellebo](#) og [Gjerde](#) markert saman med Fjelberg kyrkje.

Ekteparet får 3 born som vert døypte i Fjelberg: **Guri** f. [25/8-1855](#), dpt. [9. september](#) (# 114) , **Nils** f. [23/3-1857](#), dpt. [10. april](#) (# 48) og **Knut** f. [26/8-1859](#), dpt. [17. september](#) (# 111).

Ved [teljinga i 1865](#) finn vi familien i «[Aalesund Kjøbstad](#)» sokn i Ålesund prgj. Det ser no ut til at familien har starta å nytte namnet Gjerde, som må vera etter garden der dei budde på Borgundøya i Kvinnherad. - Dottera **Berte Marie** f. 16/10-1862 er [døpt i Ålesund 4. januar 1863](#) [# 1]. Etter dette må familien ha [flytta](#) mellom hausten 1859 og hausten 1862. Det er heller ikkje her noko spor å finne i ut- eller innflyttingslister.

I Ålesund aukar barneflokket. Dottera **Karen Elise Randine** vert fødd 21/9-1865, dpt. 11. mars 1866 [# 18]. Så kjem sonen **Carl Ludvig** f. 30/4-1868, dpt 23. august s.å. [# 122]. Neste barn vert kalla **Oline Antonette** f 8/11-1870, dpt 18. desember s.å. [# 170]. **Theodor Emil**, fødd 'vesle juleftan' 1872, får ein Valdris som fadder då han vert [døpt 2. mars 1873](#) [# 23]. Fadderen er *Nils Svabø*, omtala i stykket «[Nils Nilson – Opticus i Ålesund](#)». **Ingvald Martin** f. 8/6-1875 vert døpt 27. juni same år [# 106].

Familien er registrert på [Lihaugen](#) i Ålesund ved [folketeljinga 1875](#). På dette tidspunktet er dei tre eldste borna konfirmert, alle i Ålesund. – **Guri** vart [konfirmert 3. oktober 1869](#) [# 43], ho rakk endå til å gifte seg innan teljaren kom på døra i Hellevigstranden [kring nyårsdagen 1876](#). Giftarmålet fann stad [14. desember 1875](#) [# 38] og karen som fekk 'JA' heitte **Johan Oluf Olsen**^B, f. 12/11-1852 og [konfirmert 6. oktober 1867](#) [# 21] i Ålesund. Brudgommen er i kyrkjeboka nemnd «Sømand», han er son til skipper *Ole Johan Olsen* og kona *Martha f. Gjengaard*. Vi skal seinare [koma attende](#) til dette paret.

Konfirmasjonsdatoane for dei to yngre syskena hennar Guri er: **Nils**: [6. oktober 1872](#) [# 41] og **Knut**: [4. april 1874](#) [# 17]. **Carl Ludvig** vert konfirmert i Ålesund [7. oktober 1883](#) [# 11]. Systera *Berte Marie* finn eg korkje mellom dei konfirmerte eller blant døde.

Då teljinga (utvalsteljing i nokre byar) i 1885 vert halde, er **Knut Knutson** og familien å finne som #006-012 på «gaardens nummer» 224-294 i Ålesund. Dei 5 yngste borna er registrert busette hjå foreldra. **Oline Antonette** vert [konfirmert 4. april 1886](#) [# 11], **Theodor Emil** [17. april 1887](#) [# 56], **Ingvald Martin** [6. oktober 1889](#) [# 29].

Minstejenta **Elisabeth Kornelie**, som vart [fødd 28/8-1878 – dpt. 20. oktober s.å](#) [# 87], vert [konfirmert i Ålesund 2. oktober 1892](#) [# 33]. Ved [teljinga i 1910](#) finn eg henne [registrert i Notensgate 1 i Ålesund](#) saman med ektefelle **Marius B Hansen**. Dei har då tre born, gutane **Leif** og **Mindor** samt veslesystera **Edny**.

Ved folketeljinga 1900 er to ektepar registrert i [øvre Strandgade i Ålesund](#). **Knut Gjerde** f Valders [Krs](#) og **Elisabet** f Fjelberg [SB](#). På same adresse bur sonen **Ingvald** og kona **Martha**. **Ingvald** gifta seg med **Martha Karoline Aam** [2. desember 1900](#) [# 70]. **Martha** var fødd 16/9-1878 [#47] og [døpt 13. oktober s.å.](#) i Hjørundfjord. Foreldra hennar heitte Lars Kolbeinsen og Oline Mortensdotter. Eg har ikkje funne fleire opplysningar om dette paret.



Storesyster **Guri** og mannen **Johan Oluf Olsen** finn vi i Ålesund ved [teljinga 1885](#). Dei er no foreldre til **Ingeborg Elise** f 28/6-1877, dpt 26. august s.å. [# 130], [Leka 26/6-1896](#) [# 19], **Johan Petter Kornelius** f 9/4-1879, dpt 15. juni s.å. [# 54], [konf. Leka 1/7-1894](#) [# 23] og **Knut Leonard** f 7/1-1881 dpt 10. april s.å. [# 22], [konf. Vikna 12/7-1896](#) [# 16]. - [31. januar 1887 får familien utflyttingsattest](#) [# 3-7] frå Ålesund til [Lekø prestegjeld](#). Kontramelding om innflytting er [innført i Gravvik sokn i Leka](#) [# 3-7] for år 1887.


Dottera **Marie Elisabet** vert fødd 31/1-1887 på [Risvær i Nærøysundet](#) og [døpt 5. juni same år](#) i Leka prgj. [# 7]. **Kirstene Oline** f 12/2-1889, [dpt 22. april 1889](#) i [Gravvik kyrkje](#) [# 1]. Fødestad skrive «*Kalvø*». **Gudrun** f 30/9-1890, [dpt 30. mars 1891](#) [# 3], [konf Vikna 30/7-1905](#) [# 10] og **Oluf Johan** f 15/10-1892, [dpt 30. april 1893](#) [# 2], har same fødestad og er døpte i Gravvik. Minsteguten, **Teodor Karl Gjerde**, er fødd i Rørvik, Vikna i 1894. Det fortel i alle fall [folketeljinga 1900](#). Familien bur då på «strandsidderplads» under [Rørvik, gn. 10 i Vikna](#).

Kyrkjeboka for Vikna fortel i bolk E «*Døde dissenterer*» at «*Enkemand, fattiglem*» **Knud Knudsen Gjerde** f «*Aurdal i Valdrs*» [døyr i Rørvik 25. april 1908](#) [# 1]. Der vert han og gravlagt den 2. mai s.å. I merknadsrubrikk er notert: «*Tilhører Aalesunds methodistmenighed. Han forpleiedes i Rørvik. Forstander underrettet.*»

I kyrkjeboka for Ålesund finn vi at **Knut** melde [overgang frå statskyrkja](#) til «[Methodistene](#)» 25. debruar 1895[# 4]. Kona **Lisbeth** hadde meldt overgang eit knapt år tidlegare, [19. mai 1894](#) [#11].

Knut må ha vorte enkjemann i tida mellom 1901 og 1908. Kanskje dødsfallet til *Lisbet* er ført inn hjå Metodistane, eg finn henne ikkje i kyrkjebøkene. Truleg har dottera *Guri* og mannen *Johan Oluf* fått *Knut* nordover til Rørvik for å ta seg av han på hans eldre dagar.

I 1910 er **Guri** og **Johan Oluf** attende i Ålesund og teljaren har [registrert dei i Stenvaagvei 18](#).



^A Knut og Berit er nemnde på sidene 173 og 201 i «Gard og bygd i Nord-Aurdal» band B.

^B Johan Oluf nemnd på [«Brukarforum» Digitalarkivet](#) mars 2008.

Frå Dølv - langs Sognefjorden - og ende reisa på Strilelandet Gjestgjevar og borgar... på ferd mot vest ... i to generasjonar

Arne Olson Dølven og kona Thora Gulbrandsdtr (f. 1771 på Søre i Aurdal) har eit jentebarn med til [Bagn kyrkje 6. oktober 1799](#). Her får jenta døypenamnet **Lisbet** [H side, 7. ovanfrå]. Faddrane er nemnde med gardsnamna *Listrud* og *Dølven*. Ved [teljinga i 1801](#) er ho lista opp saman med foreldre og 4 eldre sysken. [16. juli 1815](#) [V. side, H spalte # 6] vart ho konfirmert i Bruflat kyrkje. Då er ho skriven «DølvensEie». (Sjå òg «Gard og Bygd i Sør-Aurdal», band B, side 355)

Vi treffer **Lisbet** [eller *Elesabett*, som Aurlandspresten har skrive] i [kyrkjeboka for Aurland 1. mai 1827](#) [#3]. [Då er ho brur](#), og brudgommen er **Ole Knutsen**, 39 år gamal og fødd i *Sør-Aurdal*. Han er [døyp](#) i [Bagn kyrkje 3. august 1788](#) [H side, 7. nedanfrå]. Foreldra hans er «*Knut Olsen Dølven* og *Marith Aslachsatter*». Faddrane hans er nemnde med gardsnamna *Østegaarden* og *Hestehagen*. **Ola** vert [konfirmert av sokneprest Album, i Bagn kyrkje, 8. juli 1804](#). [V side, V spalte, 9. nedanfrå].

Då fyrste barnet, **Anthon** vert døyp, i [Aurland 8. mai 1827](#) [#26], er foreldra skrivne [Gjestgiver Ole Knudsen](#) og [Elisabet Arnesdatter Gudvangen](#). Dei må seinare ha budd i *Leikanger* i lang tid. [Neil Hofland har dei med i databasen](#) han har samla frå bygdebøkene i indre Sogn. Sonen **Christian** [fødd i Leikanger 1/12, dpt 6/12-1829](#) [#6]. Ved dette høve er faren nemnd 'borger'. Så kjem **Ole Michal**, [f 22/12, dpt 25/12-1831](#) [#11] - foreldre er 'Borger' **Ole** og **Elisabet Kammen**. **Ole Mikael** [døyr 11/4 og vert gravlagt 16/4-1841](#) [#27]. - Foreldra er skrivne *Ole Knutsen: Elisabet Kammen* då sonen **Ole Ferdinand** vert [døyp 25. august 1833](#) [#60]. Han er f 6. august. – Så kjem dottera **Turine** [f 23/3, dpt 29/3-1835](#) [#54], [konf 13/10-1850](#) [#15]. - Då sonen **Hans**, f 16/8, [vert døyp 8/9-1837](#) [#99] er faren nemnd *Landhandl(ar) Ole Knudsen Kammen*. Vesle Hans døyr. Ein ny **Hans**. [f 6/2, vert døyp 17/2-1839](#) [#30], og [konf 2/7-1854](#) [#4] i *Leikanger*. No er faren nemnd *Hmd* (husmann). Når sonen **Nils Fredrik Severin** vert [døyp 9. januar 1842](#) [#7] (f 23/12-1841) er foreldra «*Strandsitterfolk*» på Henjum. Nils vert [konfirmert 19/7-1857](#) [#10] i *Leikanger*. - «*Huusmandsfolk*» vert foreldra nemnde då dei døyper dottera **Birgitte** (f 17/5-1846) i [Leikanger 24. mai 1846](#) [#62]. Mora nærmar seg no 50 år, og helsestellet i dag ville vel vore på vakt ved [svangerskap i den alderen](#). Men ein har då [lese om ei som var mykje eldre!](#)

Ole Knudsen Kammen [døyr 16. oktober 1858](#) [#29] på Henjum i *Leikanger*. Gravferd og jordfesting er 22. oktober s.å.

Hans Olsen Kammen, 17 år, får [utflyttingsattest til Bergen 18/2-1857](#) [#3]. Han har reist frå *Leikanger* våren 1855. [Eit gravminne ved Trinity Lutheran Church i Tacoma](#), Pierce Co. I staten Washington, USA, tyder på at **Hans** har kome «over dammen». Ein [profil på Geni](#) fortel same historie, sjølv om geografikunnskapane er litt i utur.

[Leikanger – utflytta 1862](#) [#65-68] :«**Anton Olsen Kammen**, 34 år, hans hustru **Edvardine Rodin**, 29 år, deres børn **Ole** f 6/3-54, **Anna** f 18/4-57» får utflyttingsattest til Nordamerika 11. april 1862. «*NB Alderen anført efter eget opgivende, da Ingen av dem var fødte & døbte her i Præstegjeldet*»

Ole Ferdinand Kammen (20/7-33), hans hustru **Birgitte** født Skancke (15/11-32) deres børn **Elisa Antonie** (3/6-60) [dpt Leikanger 17/8-1860](#) [#57], **Johan Christian** (24/6-62) [dpt Leikanger 12/10-1862](#) [#56], **Hansine** (17/7-64) [dpt Leikanger 14/8-1864](#) [#41] får 28/3-1866 [#81-85] [attest for å dra til «Nordamerikanske stater»](#) Familien [bur i 1865 på Henjesanden i Leikanger](#), men har fått 'etternamnet' monaleg maltraktert av avskrivaren ved Digitalarkivet.

Paret fekk tvillingar i Tromsø 18/12-1858. Ein av desse var dødfødd. Den hin fekk namnet **Ferdinand** [6. april 1859 i Tromsø](#) [#30]. [Foreldra gifta seg i Tromsø 17. desember 1857](#) [#33]. Faren **Ole Ferdinand** er då «*Skibstømmermand*». **Birgitte** er fødd 18. oktober [og døyp 25. november 1832 i Tromsø](#) [#79].

«Pige **Turine Olsdotter Kammen**» får [flytteattest frå Leikanger sumaren 1852](#) [#53]. Reisemålet er *Hougs*(Haus?) *Præstegjeld*. **Turine** [vert 15. mai 1857](#) [#11] [gift i Hamre kyrkje](#) med «*Ungk & Artillerist*» **Nils Thorsen Bredsteen**. Eit [slektstre på «MyHeritage»](#) har bilete av Turine.

Ved [folketeljinga 1865 bur familien på Hilland](#) i Alversund sokn i Hammer prgj. Mor til Turine, **Elisabet**, f Aurdals prgj. bur same stad. «*Enke Kår*» **Elisabeth Fredrikke Arnesdtr** f 1800 på *Dolve, Valdres*, [døyr på Kraakevik i Alversund 10. mai 1884](#) [#4]. Ho vert gravlagt og jordfesta 16. mai 1884 i Alversund. – (Ho var også tema i [debatt 44816 på Brukarforum, Digitalarkivet](#))

I 1900 og 1910 finn vi barnebarnet, **Olai Nilsen** og familien hans, på Brestein 70/9 i Haus prgj.

To Gullikar frå Valdres til Fjell på Sotra Den fyrste er Vangsgjelding

Om kyrkjebokskrivaren i [Sund](#) har «vatna ut» blekket, kjenner eg ikkje til, men datoen syner tydeleg. [3. september 1859](#) [# 29] har ungarl **Gullak Endresen** og pige **Brithe Hansdtr** gått inn i ektestand. Brudgommen har oppgjeve fødestad: *Gjevve i Vang* og opphaldstad: *Kaurslund*. Brura er skriven 28 år gamal, fødd på *Bakke*. Forlovarane, *Nils Nilsen Telnes* og *Ole Iversen Kaurslund* har «meddelt attest». Både brur og brudgom er «(koppe)vaccinerede». Vel ein måned veker etter bryllaupet, [19. oktober 1859](#) [# 8] er paret innførte som «udflyttede» frå Sund. «*Begge til Aarvigen en plads under Aase i Fjelds Prgjeld*».

Gullik Endreson var [fødd 6. juni og døypt 11. juni 1821 i Vang kyrkje](#) [# 15]. Foreldra er «*Endre Olsen Gjevve og Berith Iversdtr: Gaardfolk i Wangs hovedsogn*». Familien er omtala på side 361 i «*Gardar og slekter i Vang*», band B. Der er nemnt at Gullik gjekk i *smedlære* i Bergen. **Gullik** vart [konfirmert 11. oktober 1835](#) [# 12] «ved *Hurums annexkirke*».

– **Brithe** er dotter til «*Gaardmand Hans Amundsen Bakke og Malene Jahnsdatt*». Ho er fødd vesle juleftan og boren til [dåp 4. juledag 1828](#) [# 16]. [Konfirmert vart ho 25. oktober 1846](#) [# 3].

Gullik og **Brithe** er innskrivne som #1 og 2 av dei [innflytte til Fjell i 1859](#). «*for at drive en forpagtet Plads under Gaarden Skaalevig*». Når [folketeljaren er innom i 1865](#) lyt bryet takast med å notera namna på fire born: **Berthe Malene** [f 6/7, dpt 15/7-1860](#) [# 18], [konf 10/10-1875](#) [# 3], **Christine** [f 12/4, dpt 20/4-1862](#) [# 18], [konf 7/10-1877](#) [# 28], **Martha Endrina** [f 4/1, dpt 17/1-1864](#) [# 2], [død 8/8, gravl 13/8-1872](#) [# 47] og **Hansine** [f 29/10, dpt 3/12-1865](#) [# 76], [konf 17/10-1880](#) [# 15].

«*Gummerviken*» er namnet på [bustaden til familien i 1875](#). Sidan førre teljing er det fødde to gutar: **Hans Grell** [f 7/7, dpt 30/8-1868](#) [# 54], [konf 5/10-1884](#) [# 10] og **Endre** [f 13/2, dpt 4/4-1871](#) [# 31], [konf 19/9-1886](#) [# 20].

«Pladsm g **Gullik Endresen**» fødd i «Vangs prgj» 1821 [døyr på Skouge 3. desember 1882](#) [# 1]. Gravferd er 4 dagar etter, og han vert jordfesta 21. januar 1883.

Hansine Gulliksdtr [giftar seg i Fjell kyrkje 16. november 1887](#) [# 25] med fiskar *Abraham Abrahamsen* [f 24/2, dpt 7-3-1864](#) [# 7] i *Fitjar* prgj. Sonen **Abraham Gunvald** [f 12/4](#) [# 33] lever berre ein knapp måned, han vert [gravlagt 8/5-1888](#) [# 18]. [7. april 1890 døyper dei dottera](#) [# 13] **Brite Karia** som er fødd 19. mars i *Krabbevik*, [død 16/4-1920](#) (DISGravminner). Dottera **Amalia Marie Kristine** vert fødd på *Skoge* [21/3 og dpt 29/4-1894](#) [# 12], ved [FT 1910 tenestjente på Daleidet i Fjell](#). **Jenny Inanda** [f Skoge 6/11-1896, dpt 28/2-1897](#) [# 3]. Ved [teljinga 1900](#) bur familien på plass under gnr. 10, *Skoge i Fjell*. Mor til **Hansine**, **Britha Hansdtr**, bur saman med dei. **Britha** [døyr 18/11- og vert gravl. 25/11-1905](#) [# 13]. **Hansine** og *Abraham* får sonen **Gotfred Anfin** på *Skoge* [29/5 1906, dpt 22/7 s.å.](#) [34]. **Hansine** [døyr 22/4, gravl. 27/4-1907](#) [# 8]. Ved [teljinga 1910](#) er familien på *Dalenes 54/8 i Fjell*, *Abraham Abrahamsen* har gifta seg opp att.

Kristine Gulliksdtr feirar bryllaup med enkemann, gardbrukar *Johannes Pedersen Åse* f 1841, i *Fjell kyrkje* [24. november 1897](#) [# 16]. Ho er også skriven som mor for [dottera Ingeborg Mathilde 21/1-1887](#) [# 5] på *Skauge*. Faren er fisker *Abraham Abrahamsen*. (*mannen til systera?*) - **Kristine** er også mor til **Kristine Olufine** [f Skoge 27/9-1895, dpt 19/1-1896](#) [# 3], [død 11/9-1977](#). Faren er skriven «ungk, fisker *Rumund Abrahamsen Nartøen af Fitjar*» (*bror til svogeren?*). Med ektem. *Johannes* får ho dottera **Berntine Marie** [f Aase 10/2, dpt 3/4-1899](#) [# 13], [død 21/1-1979](#). Vi finn desse folka på [gnr 9/5 i Fjell herad ved teljinga i 1900](#).

Ved [teljinga 1910](#) er **Kristine** vorte enkje. Ektemannen **Johannes** [døydde 1/2- og vart gravl. 8/2-1902](#) [# 4]. Sønene **Gunvald Anton** [f 25/8, dpt 13/10-1902](#) [# 38], [død 21/7-1974](#) og **Peder Johan** [f 5/2, dpt 8/2-1907](#) [# 5], [død 26/2-1975](#), er med i teljinga. Det same er sonen til *Ingeborg Mathilde Abrahamsdtr*, **Arne Emil** [f 11/2, dpt 22/3-1908](#) [# 7]. Far hans er «*fisker Anders Hansen Kaurslund*». «Dis Gravminner» har **Arne Emil Aase** død 10/8-1995 på *Kopervik, Karmøy*.

Veslebrørne, **Endre** og **Hans** Gulliksøner ser bae ut til å ha gifta seg med syskenborna sine på *Bakke* i *Sund*. **Brithe Hansdtr**, mor deira har ein bror, *Hans Hanson* f 11/4, [dpt 15/4-1838](#) [# 28], [konf 23/10-1853](#) [# 15]. *Hans Hanson* [giftar seg 24/6-1863](#) [# 9] med *Brithe Margrethe Mikkelsdtr* (*Kaurslund*). Familien [bur ved FT1865](#) på *Bakke*, løpenr 68 i *Sund* prgj.

Hans og *Brite* vert foreldre m.a. til jentene **Malene Margrethe** [f 18/3, dpt 1/4-1866](#) [# 28] [konf 2/10-1881](#) [# 22] og **Marthe Kristine** [f 2/9, dpt 4/10-1868](#) [# 113], [konf 28/9-1884](#) [# 20].

Malene Margrethe giftar seg med **Endre Gullikson** [5. desember 1896 i Sund](#) [# 14]. Forlovarar er *Peder Gulbransen Bakke* og *lærer Færø*. **Endre** får skjøte på Bakke 28/5 i Sund av *Kari Henriksdtr.* [Skjøta er datert 5. og tinglyst 6. mai 1908](#).

Døtrene **Jenny Marie** [f 28/8, dpt 9/10-1898](#) [# 28], [konf 5/10-1913](#) [# 3] (Kaurstrand) og **Brite Hermine Margrethe** [f 1/9, dpt 21/10-1900](#) [# 26], [konf 26/9-1915](#) [# 6] er opprekna når [folketeljaren har vore til gards i 1900](#) [#1046-1049]. Innan [neste teljing](#) har dei fire born til: **Anna Elisabeth** [f 14/1, dpt 24/1-1904](#) [# 5], [gift Berge død 1/12-1992](#), **Elisabeth Jensine** [f 28/2, dpt 16/4-1906](#) [# 11], **Edvard Olai** [f 21/5, dpt 2/8-1908](#) [# 19], og **Alfred Johan** [f 20/8, dpt 30/10-1910](#) [# 21], [død 16/3-1981](#).

På Bakke har teljaren òg [fått med familien til Hans Grell Gullikson](#) [# 1050-1054]. **Hans Grell** [giftar seg 19. oktober 1894 i Sund](#) [# 14] med syskenbarnet **Marthe Kristine Hansdtr.** Dei døyper dottera **Britha Margrete**, [f 21/4 på Skouge i Fjell, 12 juni i Sund kyrkje](#) [# 14]. **Hans Gunvald Berntin** [f 28/11. dpt 26/12-1896](#) [# 29], [død 16/3-1975](#) og broren **Ole Mikal** fødd 11/1 og [døypst i Sund 11. april 1898](#) [# 6]. **Hjalmar Kristoffer** [f 20/2, dpt 16/4-1905](#) [# 10], [død 29/12-1993](#). **Jette Karia** (*gift Telle*) [f 6/4, dpt 8/6-1908](#) [# 12], [død 3/5-1967](#). **Emma Amalia** [f 26/5, dpt 10/7-1910](#) [# 15]. I 1910 bur familien på bruket *Hagen* 28/8 i Sund kommune. Bruket var [skylddelt og skjøta til Hans Gullikson 4. mai, tinglyst 6. mai 1908](#). Sonen **Gunvald** får skyldsett ein del av bruket som bruksnr. 13 (Fredheim), tngl. 3. mars 1922.

Kvifor **Hans** har fått med *Grell*-namnet kan vera ope for spekulasjon. Tipp-oldemor hans, Dorte Pedersdtr Colding, var fyrst gift med presten Jørgen Grell (Greel/Grell) i Vang før ho kom i ekteskap med tipoldefaren, Trond J Kattevøl. Har Gullik hatt dette i minnet når dei skulle fram til døypefonten?

Meir sikkert er at **Gullik Endreson** den dag i dag har mykje etterslekt langs kystlina utanfor Bergen.

Den andre Gulliken kom frå Øystre Slidre

Gullik var son til *Nils Nilson* Eikerbakke^A og *Ragnild Gulliksdtr* Eggji. Han var fødd på Eikerbakke i Øystre Slidre [28. oktober og døypt 7. november 1819](#)^[# 41], og sto til [konfirmasjon i Rogne kyrkje 27. juli 1834](#)^[# 3]. Han får utferda [flytteattest 14. oktober 1836](#)^[# 16], reisemålet er «*Lysekloster i Bergens Stift*»

Gullik Nilson vert [gift 15. november 1846](#) ^[# 14] i Fjell prgj. med enkje **Barbro Olsdtr** Fjereide. Ho er fødd på Fosse i Hamre prgj. og [døypt i Mæland 27. mars 1815](#) ^[V side, V spalte, 4. nedanfrå]. Foreldra hennar er *Ole Andersen* og *Inger Knutsdtr*.

Ragnhild vert namnet til dottera, [f 27/12-1846 og døypt nyttårsdagen 1847](#)^[# 2], [konf 29/9-1861](#)^[# 6]. **Inger Marthine** vert [f 24/8, dpt 4/9 -1853](#)^[# 27] i [Strudshavn kyrkje](#) på Askøy. Ho vert [konfirmert i Fjell 11. oktober 1868](#)^[# 13].

Ved [teljinga 1865](#) er familien sjølveigarar på *Fjæreide* lno. 293b i Fjell prgj. [Panteboksblad](#) for dette bruket syner ei skjøte til **Gullik** «*dateret og thinglæst 5te Mai 1847*». [Teljinga 1875](#) fortel at **Gullik** og 'Barbu' er vilkårsfolk. Den ugifte dottera **Inger** er tenestjente på garden. - [Panteboka](#) fortel at svigersonen *Nikolai Jensen Morlandstøen* har fått skjøte på bruket 23/3, tinglese 1/4-1875.

Barbra Olsdtr [døyr 2/5, gravl. 7/5-1883](#)^[# 13]. «Kaarenkemand» **Gullik Nilson** [døyr på Fjæreide 3. juni og vart gravlagt 9. juni 1888](#)^[# 15].

Ragnhild Gulliksdtr og **Nikolai Jenson** [gifta seg 15. juli 1873](#) ^[# 9]. Nikolai er [f 23/12, dpt 25/12-1845](#)^[# 51]. Han er son til «pladsmænd *Jens Siefertsen* og hstr *Christiane Andersd. Morlandstøen*».

Ragnhild og **Nikolai** vert foreldre til **Jens** [f 9/3, dpt 12/4-1874](#)^[# 28], [død 27/12-1891, gravl 2/1-1892](#)^[# 2], **Berthe Gurine** [f 5/10, dpt 29/10-1876](#)^[# 71], [konf 4/10-1891](#) ^[# 22], **Kristine Oline** [f 14/4, dpt 22/5-1879](#)^[# 21], **Nils Martin** [f 30/5, dpt 2/7-1882](#)^[# 20], [konf 27/9-1896](#)^[# 27], **Edvard Andreas** [f 17/6, dpt 16/8-1885](#)^[# 24], [konf 1/10-1899](#)^[# 23], **Oluf Johan** [f 26/10, dpt 29/12-1888](#)^[# 46], [konf 27/9-1903](#)^[# 10].

Familien [bur ved teljinga 1900 på gn. 29/2 i Fjell](#). Dei [bur på same stad i 1910](#), no er bruket kalla *Dalen*. Sonen (*Edvard*) *Andreas* er med i teljinga både her og på *Valen*.

Eldste dotter, **Berte Gurine**, [giftar seg 29/7-1902](#)^[# 7] med **Hans Nikolai Andreasen Valen** [f 18/6, dpt 18/7-1880](#)^[# 38]. Eldste barnet deira er **Konrad Anfin Mathias** [f 19/11-1902, dpt 1/1-1903](#)^[# 1], [konf 23/9-1917](#)^[# 19], [død 31/12-1934](#). Så kjem **Reinert Johan** [f 6/7, dpt 4/9-1904](#)^[# 43], [konf 28/9-1919](#)^[# 52], **Agnes Margrethe** [f 3/3, dpt 29/4-1906](#)^[# 14], [konf 26/9-1920](#)^[# 17] og **Ingolf Olai** [f 20/2, dpt 19/4-1908](#)^[# 12], [konf 1/10-1922](#)^[# 19]. Alle desse er registrert på [Valen under gno 41/3 ved teljinga i 1910](#). Brørne til Berte Gurine, *Oluf (Johan)* og (*Edvard*) *Andreas* er med her.

Oluf Johan Nikolaison døyr på Valen [5. juni 1912, gravl. 11. juli 1912](#)^[# 16]. Han vert minna med oppkalling då *Berte og Hans* får sonen **Oluf Johan**, [f 30/10-1912, dpt 1/1-1913](#)^[# 2], [konf 25/9-1927](#)^[# 16]. Ei dotter, **Jenny Nekoline** [vert f 1/5 og dpt 4/5-1917](#)^[# 32]. Ho lever berre 5 dagar og vert [lagt til kvile i Fjell 10. mai 1917](#)^[# 10].

Brita Gurine døyr 28/2-1954 og **Hans Andreas** 6/6-1961 [etter oppl på DIS Gravminner](#).

Konrad Anfin vert [g 23/12-1925](#)^[# 0] i Bergen med **Inгри Elisabeth Forsberg** f i Sverige, broren **Reinhard Johan** vert [gift i Loddefjord 7/11-1936](#)^[# 0] med **Ragnhild Thorsen** f 30/5-1910 i Loddefjord. DIS Gravminner syner at [dei er gravlagde i Loddefjord](#).

Edvard Andreas vert gift med **Laura Helene Arnesdtr** [f 6/7, dpt 4/8-1895](#)^[# 35] i Vågsøy, Selje prgj. Sogn og Fjordane. [Gravsteinen deira finn de på DIS Gravminner](#).

Inge Martine Gulliksdtr vert [8. juli 1878](#)^[# 17] gift med «gaardbruger **Hans Olai Hansen**». Han er f 27/7 (*Kongshavnsbakke*), [dpt 13/8 1854](#)^[# 36] på Askøy, og bur på garden Valen på LilleSotra. Foreldre er «*Farver Hans Johannesen og hustru Ingeborg Andersdatter*». Ved [teljinga 1900 bur dei på Valen, gardsnr 41/8&9](#), svogeren *Nikolai* og dottera hans, *Kristina*, er òg registrert med denne husstanden. [I 1910 er Hans og Inga\(Inger\) registrert](#) åleine på eigedommen.

Gullik Nilson har truleg ein del etterslekt i Sotra-området i dag.

^ANørdre Eikerbakke er omtala i «Gardar og slekter i Øystre Slidre, band A, side 148

Vestover, dit han far kom frå ... Tru om dei treftest ?



[12. desember 1830](#) [# 7] døyper «pigen Ragnild Pedersd Foss» sonen **Ole**. Faren er oppgjeve som «ungkarl Erik Olsen fra [Bergens stift](#)». Guten bur på «Sæboødegaard» [då han vert konfirmert, 12/4-1846](#) [# 8], i [Skrautvål sokn](#), Nord-Aurdal. Han har same 'adresse' [når han står brudgom, 17. april 1859](#) [# 5] i Svenes kyrkje. Brura er «pige **Ingrid Olsdatter SøhuusEie**». Ho er dotter til «[Inderst Ole Nielsen Garlie og hustr Berit Eriksdat](#)» og er [f 8/6, dpt 31/7-1830](#) [# 48] i Skrautvål kyrkje. Faddrane kjem frå [Tveit og Garli](#). Det kan nemnast at Ola er syskenbarn til [Ola Olson Kampen](#), fortalt meir om i stykket «[Smeden i Skånevik](#)»

Ola Erikson og **Ingrid Olsdotter** døyper dottera **Ragnhild** i [Skrautvål kyrkje 3. juli 1859](#) [# 38]. Familien er [registrert innflytta til Voss i 1861](#) [# 12] «for at tage arbeide». Opphaldstad er nemnt «Sæue Viken». Dei er etter det 'Vossaskrivaren' trur, komne frå «[Søndre Aurdal i Valdres](#)», men attesta er utferda 28/5-1862 av sokneprest [Torger Melby](#) i [Nord-Aurdal](#).

Dottera **Brita** vert [fødd på Spilde i Granvin, Ulvik prgj. 31/7-1865 og døypt 27/8 s.å.](#) [# 65]. No er foreldra skrivne «[Veiarbeider Ole Eriksen Sæboødegaard af Nordre Aurdahl og Inger Olsdtr](#)». Ved [teljinga i 1865](#) finn vi familien på Stushaugen lno. 297&298 i Ulvik prgj.

Sonen **Haldor** [f 29/3, dpt 23/4-1868](#) [# 32] i Granvin kyrkje. No bur foreldra på garden Eide. Faddrane kjem frå [Eide og Rønnestrand](#). Sonen **Ola** kjem til verda på sjølvaste 17. mai, og vert [døypt 18. juni 1871 i Åsane sokn](#) [# 15] i [Hammer prgj](#). Faddrane kjem frå garden [Rolland](#). Som vegarbeidar flytter **Ola Erikson** og familien mykje på seg, og ved [teljinga 1875](#) bur familien på garden [øyre Sandven](#) ved Kalandsvatnet i Fana. **Ola Erikson** og **Ingrid Olsdtr** er [utan dato skrivne som innflytta frå Voss til Fana](#) [# 37], korkje born eller årstal er teke med.

Brita Olsdtr vert konfirmert av pastor Bull i [Bergen domkyrkje 5. oktober 1879](#) [4. ovanfrå], innf. Birkeland Kb. Minsteguten, **Ola Olson** dør av «[mæslinger](#)» [16/3, gravl. Birkeland 22/3-1882](#) [# 4]. No er faren nemnd «[forhenv: invalid Jernbanearbeider og fattiglæm](#)». Broren, **Haldor Olson** vert [konfirmert i Birkeland 27/4-1884](#) [# 7]. Mor deira, **Ingrid Olsdtr** dør [på Hope 27. oktober 1883 og vert gravlagt i Birkeland 31. oktober same år](#) [# 16]. Eg tykkjer presten har skrive noko om «fattig». No er ektemannen, **Ola Erikson** nemnd «[Jernbanearbeider](#)».

Då **Ola Erikson Ødegaard** sjølv [døyr, 20/9, gravl. 26/9-1895](#) [# 8], Eidsvåg i Åsane, er han nemnd «[Stenarbeider](#)». Han har truleg hatt tilhald hjå dottera Ragnhild den siste tida. Om han fann far sin eller slekta si vestanfor langfjella, det seier soga ikkje noko om.

Ved [teljinga i 1900 er Ragnhild Olsdtr](#) busett på ein husmannsplass under Eidsvaag 116/1 i Hammer prgj. Ho er gift med «[Tømmermand](#)» **Abel Abelsen** [f 21/2-1858](#) [# 63] i Bergen. **Abel** er fødd i Sandvigen med foreldre møllar [Abel Abelsen f 22/6-1824 i Eid prgj.](#) i Nordfjord og kona [Marthe Andersdtr](#) f i Hammer(Hamre) prgj. nord for Bergen. **Abel** er å finne ved [FT 1865 i Hamre](#) og ved FT 1875 både [i Bergen](#) og [i Hamre](#).

Ragnhild og **Abel** vert [gifte 6/5-1880](#) [# 12] i [Åsane kyrkje](#). Dei vert foreldre til borna **Alfred Olai** [f 10/5, dpt 17/7-1881](#) [# 56], [død 5/6, gravl 10/6-1889](#) [# 12], **Ingrid Marie** [f 25/7, dpt 19/8-1883](#) [# 7], [konf 4/9-1898](#) [# 1], **Martha** [f 30/1, dpt 28/3-1886](#) [# 5], [konf 25/9-1900](#) [# 5], **Ole** [f 26/5, dpt 29/7-1888](#) [# 15], [død 15/8, gravl. 19/8-1900](#) [# 7], **Anna** [f 5/12-1889, dpt 23/2-1890](#) [# 2], [konf 25/9-1904](#) [# 5], **Ingeborg** [f 26/7, dpt 11/9-1892](#) [# 14], [konf 22/9-1907](#) [# 4], **Alfred Olai** [f 5/3, dpt 23/5-1895](#) [# 16], [konf 26/9-1909](#) [# 3] og **Ragna Andrea** [f 8/11, dpt 28/11-1897](#) [# 27], [konf 15/9-1912](#) [# 5].

Når folketeljaren er innom «husmandspladsen» under Eidsvaag gnr 116/1 i starten av 1900-talet vert **Ragnhild(a)** og **Abel** registrert saman med borna **Marta**, **Anna**, **Ingeborg**, **Alfred** og **Ragna**. Far til

Abel, *Abel Abelsen* (1824) bur her, men her eige hushald. Storesyster **Ingrid Marie** er i 1900 «enepige hjå musikk lærarinnene Iversen i Nygårdsgade 33 i Bergen.


[10 år seinare](#) bur **Ragnhild** og **Abel** på same stad, men no er berre døtrene **Marta** og **Ragna** heime hjå foreldra. Storesyster **Ingrid** bur då i [Finvalsmuget 1 i Bergen](#) saman med mannen **Samuel Berentsen Aase** frå Indre Holmedal i Sunnfjord. Dei gifta seg i [Nykirken, Bergen 4. desember 1909](#)^[# 0], [LnkBergen](#)^[# 265]. **Anna** [er i 1910](#) tenar ved sjukehuset i Bergen, Teatergt 11,13. **Ingeborg** [arbeider ved veveri i Eidsvåg](#). Veslebroren **Alfred Olai** [er i 1910](#) «melkedreng» på [Fantoft](#) 12/2 i Fana herred (Bergen kommune i dag).

Ingeborg [giftar seg 16/10-1915](#)^[# 6] i Åsane med fabrikkarbeidar *Ole Johan Steffensen Hitlebakken* f 1893. Dei døyper sonen **Albert Sigurd** i Åsane [26. mars 1916](#)^[# 4]. DIS Gravminner fortel at **Albert** [døyr 21/6-1969](#). Broren **Osvald Ingolf** vert [fødd 26/2 og døypt 12/4-1922](#)^[# 8]. DIS Gravminner har registrert grava til **Ingeborg Steffensen**, død 27/3-1946 og ektemannen *Ole Johan Steffensen Hetlebakken*, [død 5/11-1973](#). Det ser ut til at han har gifta seg opp att.

Alfred Olai Abelsen vert gift i [Johanneskirken](#) i Bergen [16. oktober 1920](#)^[# 96] ^[# 0] med **Olina Karlsdtr Selvik** f 7/10, dpt 27/8-1899^[# 11] i Åsane. Dei får borna **Artur Kristoffer** [f 4/6, dpt 10/7-1921](#)^[# 15] og **Konstanse** f 1/8, dpt 4/9-1927 ^[#12]. På [DIS Gravminner finn ein òg på Eidsvåg grava til Alfred Olai Abelsen](#). Registreringa fortel at han døydde 16/12-1932

Abel Andreas Abelsen [døyr 24. mai og vert gravlagt i Åsane 30. mai 1922](#)^[# 7]. DIS Gravminner [har registrert grava](#). Den transkriberte kyrkjeboka for Åsane fortel at «*tømmermannsenkja Ragnhild Abelsen*» vert [gravlagt i Åsane 18/12-1834](#). Fødestaden er skriven «*Vestre Slidre, Valdres*», men det er ikkje nokon stor bom å skjemmast over.

Vestover - med han far Ein kar med ansvars skjensle !



Ei døds-/gravferdsinnførsle i kyrkjeboka for Myking i Lindås fortel at «*Kaarenke Ingeborg Nielsd Skauge døydde 20/2- og vart gravlagt 28/2-1903*» [5]. Fødestad «*Vang i Valdres*», bustad: «*Skauge*», oppgven dødsarsak: «*Spedalskhed*». Så vidt eg hugsar, er dette fyrste gongen eg har støytt på (og merka meg) denne diagnosen i «*Dødsarsak*»-[kolonna](#).

Ingebjørg, eller *Ingeborg* – som det er skrivne i kyrkjeboka, vart fødd på [Øldreiege](#) i Vang hovudsokn [22. februar og døypt 15. mars 1826](#) [13] i «*Wangs Kirke*». Ho er dotter til [Nils Guttormson](#) og [Gunild Andersdotter](#). Ho vart konfirmert i «*Vang hovedkirke*» [28. juni 1840](#) [32].

[Fyrste mars 1857](#) kjem Ingebjør til kyrkje med eit lite guttebarn som vert døypt [Nils](#) [25]. Han er fødd «*uægte*» 15. desember 1856, og faren er oppgjeve som «*Ungk David Syversen Skaage af Lindaas*». Fadderane kjem frå Hagastrøndé og Bergji. – [12. oktober 1857](#) [13] er det giftarmål i Vang mellom «*Ungsv David Syversen Skage og pige Ingeborg Nilsd Hagestranden*». [10. juli 1860 får Ingebjør flytteattest for å reise](#) «*med sin mand til Lindaas*» [19]. **David** var nok ein solid kar å ha råkt borti, i dei fleste tilfelle reiste fedre bort frå «*uægte*» born så snøgt at ein skulle dei hadde [eld i bakenden!](#) - **David** er [f 27/1, dpt 7/3-1830](#) [31] [Grøsvik](#) i Haus, [konf 25/10-1846](#) [47] i Lindås. Foreldre: *Sjur Davidson* og *Mari Olsdtr*. **Ingebjørg** og vesle **Nils** vert tekne mot og innført som [innflytta til Lindås i april 1860](#) [13]. Om ein skal tru datosetjinga er rett, har dei gjort noko [fysisk umogeleg](#), dei er i mål før dei starta !

Her er [Panteboksblad for Skoge i Myking](#) (*Skaue, Grøvten*) lno. 129a, gardsnr.nr 44.

Sonen **Sjur** vert [f 18/12-1861, dpt 1/1-1862](#) [2] i Lindås. Det går lenge innan eg finn neste barn i klokkearboka for Myking, **Iver Martin** [f 3/9, dpt 23/10-1871](#) [36]. Så kjem **Karl** [f 8/8, dpt 4/10-1872](#) [34]. - Eldsteguten, **Nils**, vert [konfirmert av kapellan Thygesen i Myking 24/9-1871](#) [37]. **Sjur** er [konfirmant 23/9-1877](#) [15]. **Ivar Martin** står [til konfirmasjon 27/9-1885](#) [54]. Veslebror **Karl** vert [konfirmert 2/10-1887](#) [4].

Nils Davidson, f «*Hagestrand Vang i Valdres*» [giftar seg i Lindås kyrkje 10/4-1878](#) med **Anna Olsdotter Skouge** [f 22/7, dpt 3/8-1845](#) [46]. Dei får dottera **Oline Martine** [f 14/8, dpt 19/10-1879 i Myking](#) [36], [konf 19/10-1894](#) [19]. **Nils** er nemnd «*Inderst*» då **Ingeline** vert [døypt, 26/5-1881 \(f 14/4\)](#) [18], [konf 6/10-1881](#) [19]. Dottera **Dorthea** Nilsdtr [f 29/4, dpt 12/8-1883](#) [22], [død 7/6, gravl 10/6-1888](#) [5]. – Då **Nils Davidson** [døyr 6/11-1886](#) [20] er han nemnd «*Fattiglem*». Han vert gravlagt 12. november- og jordfesta 13. desember 1886.

Sjur Davidson, nest eldst i syskenflokk, finn vi ved [teljinga 1900](#) som gardbrukar på Villanger 18/6 i Manger. **Sjur** [gifta seg i Hosanger 10. april 1883](#) [7] med **Brita Larsdtr** f 1850 på Eikeset. Sjur er då nemnd «*Inderst paa Skauge*». Dei får sonen **Lars** [f 11/2, dpt 27/5-1887 i Hosanger](#) [12], [konf. Hordabø 22/9-1901](#) [5] og dottera **Nilsina** [f 15/11-1888, dpt 13/1-1889](#) [1], No er **Sjur** «*Pladsmann*» på Tolu,

Hjemvik. **Sjur** får [skjøte på Villanger 18/6 i Manger 28/11-1893, tingl. 7/12 s.å.](#) Seljar er faster hans, *Marta Sjursdtr.* **Brita Larsdtr** [døyr 31/12-1896, gravl 8/1-1897](#) [# 6]. Han [giftar seg for andre gong 18/2-1898 i Manger](#) [# 2] med **Johanne Helene Rasmusdtr** f 1858 på Herdla. Han er då skriven «*Grdbruger Vildanger*». [I 1900 er dei å finne på Vildanger.](#) Teljaren finn dei på [same stad i 1910](#), no er ingen av borna heime. Eg har fått vita at [bygdeboka for Radøy](#) fortel at borna emigrerte til Amerika.

Lars Sjursen Hjemvig, Vildanger er [registrert utreist frå Bergen i Mai 1905](#). «Fabrikkpige» **Nilsine Sjursdtr** Villanger reiser [frå Bergen til «Outlook», Britisk Coloumbia](#) (Canada) 1/4-1913. Ho er truleg vorte gift og har vore attende på «besøk» i gamlelandet, for 10/8-1927 set **Nilsina Olsen**, husmor, fødd 1888 i Hosanger, kursen [frå Bergen mot Miles City i Montana](#).

Ivar Martin Davidson ser ut til å [vera registrert i 1900](#) på Straume gnr. 154/6 i Austrheim sokn, Lindås prgj. Ivar fekk [skjøte på «Strømme» 154/6 datert 24/10](#), tgl. 9/11-1896. Han er då g.m. **Petra f. 1863.** **Petra Jetmundsdtr** [døyr 30/6, gravl 4/7-1903](#) [# 11] i Austrheim. **Ivar Martin** vert [gift for andre gong 16. juli 1905](#) [# 157] i «*Nykyrkja i Bergen*» med *meierske* **Karen Bertine Monsdtr Mjøs**, [innførsle i Austrheim klokkarbok](#). **Karen Berthine** var [f 11/12-1867, dpt 22/3-1868](#) [# 16] i Hordabø sokn, Manger. Ekteparet bur [på Straume 154/6 ved 1910-teljinga](#). **Karen** [døyr 25/10, gravl 1/11-1918](#) [# 21] i Austrheim. *Det tredje ekteskapet* går **Ivar Martin** inn i [19. desember 1919](#) [# 256] [# 0], også denne gongen i Nykirken, Bergen. Brura er denne gongen «husholderske **Berta Malene Olsdtr Fjellanger**. Båe kyrkjebøkene seier at dette er *2. ekteskapet* hans, men dei må ha «*slége av for kjentfolk*»!

Berta og Ivar Davidson Skauge [skjøter 16/11-1933 «Strømme» 154/6](#) til «Ole Olsen Gjerde og hustru Anna Lovise Gjerde». Dei tinglyser samstundes «*Kaarbrev*».

‘*Far sjølv i stova*’, **David Sjurson Skouge** [døyr 23/8, gravl 29/8, jordf. 31/8-1890](#) i Myking [# 8]. Huslista ved [teljinga 1891](#) fortel om to hushald på garden, og at **I(ngebjør) Nilsdtr** er ‘grbr’. Ved [teljinga i 1900](#) er det minsteguten, **Karl Davidson**, og familien hans som er gardbrukarpar. No bur både mor hans, «*Føderaadsenke*» **Ingebjørg Nilsdtr**, og svigerinna **Anne Olsdtr** - enkje etter storebroren **Nils**, i kvart sitt hushald på garden (*Skaue gnr 44/3*). **Karl** og broren **Ivar Martin** overtek kvar sin halvpart av garden med [skjøte av 16/3, tgl 23/6-1890](#). **Ivar Martin** [skjøter halvparten sin til veslebroren Karl 21/4, tgl 25/4-1894](#).

Karl Davidson [gifta seg 22/11-1896](#) [# 53] [unum] i [Korskirken, Bergen](#) med **Ragnhild Oline Laastad**, [f 29/6 på Løtvedt, dpt 1/11-1870](#) [# 215] i Lindås. Foreldra hennar er skrivne «*avd lensmand Hans Jacob Laastad og hstr Magnhild Jacobsd*» - (Ein kan i parentes nemne at **Ragnhild Oline** er moster til lyrikaren [Aslaug Laastad Lygre](#)).

Borna til **Ragnhild** og **Karl**: **Hans Jacob** [f 19/3, dpt 16/5-1897](#) [# 11], **Konrad Severin** [f 19/4, dpt 16/7-1899](#) [# 20], **Ragna Ingeborg** [f 28/7, dpt 20/10-1901](#) [# 20], **Dagny Maria** [f 29/9, dpt 26/12-1903](#) [# 21] og **Ragna Kristine** [f 14/3 på Løtveit, dpt 19/5-1907](#) [# 8].

Familien har flytta på seg framfor [teljinga i 1910](#). No er dei registrert på [Løtveit 97/3](#) i Lindås. Garden er ått av bror til **Ragnhild Oline**, [Kristen Laastad](#).

Dagny Maria Karlsdtr Skauge Sivertsen og «mand **Otto Sivertsen**» får [4/5-1937](#) [skjøte](#) på gardsbruket som farbroren, **Sjur Davidson**, har hatt heimel til, *Villanger 18/6 i Manger*. **Otto** sin del vert overført til **Dagny** i fylje skifte 19/10-1937. Ho gjev [9. mai 1942](#) [skjøte](#) på egedomen til bror sin, **Konrad Skauge**.

A Ingebjørg er omtala på side 92 i band B av «Gardar og slekter i Vang», Anders Frøholm, Valdres Bygdeboks forlag.

Vangsgjeldingen i Skånevik «Handelsmand og strikkerieier»



«Gift strikker», **Engebret Bø**, f 1840 i «Vang i Valdres», bustad «Miljesøen» [døyr 30.mars og vert gravlagt 4. april 1902](#)^[# 4] ved Skånevik kyrkje i Sunnhordland.

Engebret Engebretson vart [f 9/11 og døypt andredag jul 1839](#)^[# 8]. Sidan alle dåpsborna høyrer til i hovudsoknet må ein rekne med at messa var i Vang kyrkje denne dagen. Foreldra hans er «*husmand Engebret Evensen BøEiet og Ambjør Evensdatter*». Faddrane kjem frå **Bø** og **Ellingbø**, samt **Anders Wang**, som må vera han vi elles kjenner som [skulelæraren](#) og folkeminne-samlaren [Andris Eivindson Vang](#).

- I største delen av Valdres vert vel folk med førenamnet Engebret nemnde som Embrik. Sidan «[kjært barn har mange namn](#)» treng ein berre fara over Filefjell før dei seier Ingebrikt. Sjå òg [NorskeNamn](#).

Engebret vert [konfirmert 17/6-1855](#)^[# 27]. Han får [utflyttingsattest 2. september 1863](#) ^[# 2] for å reise «til Hardanger». Ved [folketeljinga 1865](#) er han «Inderst» på *Lothe i Kinsarvik*. «Frihandler **Ingebrigt Ingebrigtss Bø**» frå «Vang i Valdres, bor nu paa Heldal i Odde» gifter seg med «Pige **Christi Vagleiksdtr Skare**» 3. juledag 1867. **Kristi** er dotter til *Vagleik Olson Skare* og **Ingeborg Baardsdotter**. Ho er [f 14/3, dpt 26/4-1840](#)^[# 37].

Kristi og **Engebret** får dottera **Ingebjørg** [3/8-1868](#)^[# 97]. Den vesle jenta lever ikkje lenge nok til å få heimedåpen stadfesta i kyrkja. Ho [døyr 7/8, gravl. 19/8-1868](#)^[# 49]. Tvillingbarnet er notert mellom dødfødde i [KB 3. august 1868](#). Dottera **Ambjørg** vert [f 1/9 på Hildal i Odde, dpt 19/9-1869](#)^[# 91]. Sjå og notering i «[Dødfødte](#)»-rubrikk datert 21. sept 1870. Så kjem sonen **Vigleik** til verda [30/3, dpt 9/5-1872](#)^[# 48]. Faren, Engebret, er nemnd «*Handlende*». Same nemning har han ved KB-innførsla av **Ingebjørg**, [f 2/4, dpt 24/5-1874](#)^[# 54]. Ved dåp av sonen **Ingebrigt** [f og d 18/11-1879](#)^[# 3] vert skrive i KB at han er «Gbr» (gardbrukar). **Ingebrigt** vert gravlagt [8/12-1879](#)^[# 2]. «*Emisærkone*» **Kristi Vagleiksdtr** [døyr 29/9, gravl. 6/10-1884 i Odde](#)^[# 15], 44 år gamal.

Så treffer vi på **Engebret** som brudgom att, denne gongen i [Voss](#) KB. «*Enkemand Emissær Ingebret Ingebretsen Bø, f Vang i Valdres 1840, kjem frå Hildal i Odde*». Han vert [1. oktober 1885](#)^[# 25] gift med **Anna Styrkaarsd Graue**, [f 27/1-1861](#)^[# 33], dotter til [Styrkaar Sveinssen Graue](#) og **Marta Aslaksdtr**.

Ambjørg vert [konfirmert i Odde 26/4-1885](#)^[# 2]. Halvsyster **Kristi** [f 27/6, dpt i Odde 11/7](#)^[# 15] vert oppkalla etter fyrste kona til Engebret. Sonen **Vigleik** frå 1. ektesk. vert [konfirmert i Odde 17/4-1887](#)^[# 7]. Dottera **Ingebjørg** frå 1. ektesk. er [konfirmant i Odde 19/5-1889](#)^[# 11]. **Anna** og **Engebret** var også til kyrkje nokre dagar tidlegare, [14 april 1889](#) ^[# 2] døypte dei sonen **Emmads**. Han vart *fødd 28. februar s.å.* Emissæren har nok leita seg gjennom [dei heilage skrifter](#) for å finne/konstruere eit såvore førenamn – ved teljinga i 1900 er det 7 personar i Noreg som heiter Emmaus, medan det er 22 stk. med namn skrive Emaus.

Familien må ha flytta eingong mellom 1889 og 1891, for [23. august 1891](#)^[# 7] har **Anna** og **Engebret** med ei jente ved døypefonten i [Skånevik](#). Jenta var fødd 21. juni, og no får ho namnet **Marta**. No er Engebret nemnd «*Strikkemester*». Same nemning har han då **Ingebrigt** [f 5/7, vert døypt i Skånevik 6/8-1893](#)^[# 6]. **Ingebrigt** [døyr 5 år gamal 26/10- og vert gravlagt 1/11-1898](#)^[# 7] i Skånevik. Han «*Faldt udfor brygge og druknet*». Så fyljer sonen **Nils Evend** [f 14/10, dpt10/11-1895](#)^[# 15]. [12. juni 1898](#) vert dottera **Maria** døypt ^[# 7], ho er f 25. mai på Milje. Den vesle jenta har både lensmann og sokneprest-enkje mellom faddrane. Ho får inga langt liv, ho døyr av «*Lungebetendelse*» [28. februar og vert gravl. 3. mars 1900](#) ^[# 3]. Så lyt ein undra seg om det er kome ein ny prest til Skånevik, eller om gamlepresten har

vore på rettskrivingskursus, for [15/4-1900](#) [# 6] vert **sonen Engebret** døypt. Han kom til verda 22. februar s.å. Same haust, [14/10-1900](#)[# 19] vert **Kristi Bø** (f. 1886 i Odda) konfirmert i Skånevik.

Ved [teljinga i 1900 finn vi familien](#), blant mange, på Milje 103/1 i Skånevik. Om det er teljaren eller avskrivarar som har blingsa, er ikkje lett å bli klok på, men det står då at Anna er ei [Storksdtr](#). Eg vil no tru ho kom til verda på den 'normale' måten, og ikkje med Storken

Anna Styrksdtr var nok høggravid då mannen døydde. Ho vert mor knappe tre veker etter gravferda til ektemannen. Den vesle jenta får namnet **Lydia Marie**. Ho er [fødd 17. mars og døypt i Skånevik 18. mai 1902](#)[# 4].

«Skåneviksoga» fortel i band 3, side 491: «Engebret var ein sær sers religiøs mann. Til sin døyande dag var han formann i Indremisjonsforeninga i Skånevik og reiste som emissær for Sunnhordaland, Hardanger og Voss fellesforening. På ferdene sine hadde han med strikketøyet sitt og baud det fram for sal.»

I [august 1902](#) [# 15-20] får «*strikkers enke*» Anna Størksdt Bø utflyttingsattest *til Voss* saman med borna **Marta** f 1891, **Nils Even** f 1895, **Engebret** f 1900, **Lydia Marie** f 1902 og **Kristi** f 1886.

Emigrantlistene frå Bergen syner at fleire av borna reiste over «Dammen». **Vigleik** [reiser 7/7-1892](#), **Ingebjørg** (*strikkerieiers dtr f 1874*) er [utreist 7. mai 1896](#). **Kristi** og broren **Emmads** reiser med «Stjerne Linjen» [19. april 1906](#). Dei har *Finley, Nord-Dakota* som reisemål. **Marta** set kurs mot same reisemål [29/3-1910](#).

Ved [teljinga 1910](#) bur enkje **Anna S GOLsraue** på øvre Graue 114/2 på Voss. Ho driv «strikkeforretning». Saman med henne er sonen **Ingebrigt** [som vart døypt Engebret] og dottera (**Lydia**) **Maria**. Syster til Anna, **Synnøve Styrksdtr** er Inderst og sysselsett med jordbruksarbeid. Sonen Nils Even er [tenestegut på øvre Vinje 98/1 på Vossestrand](#).

DIS Gravminner har ein **Ingebrigt Bø** f 22/2-1900, død 21/1-1971 [gravlagt på Notodden med IDnummer](#): 3560950. Han var truleg gift med *Magnhild* (Kvale) f 9/12-1905 (ID= 3560951)

Engebret Engebretson: sjå s. 464 i band A av «Gardar og slekter i Vang», Anders Frøholm, Valdres Bygdeboks forlag.
Anna Styrkårsdtr er nemnd på [side 233](#) i «Vossaboki» Gardssoga II av Lars Kindem, Voss Bygdeboknemnd 1936

Smeden på Baugstø i Skånevik var fødd i Skrautvøl

«Ungkarl, Smed **Ole Olsen Kampen** og Pige Gaardmandsdatter **Guri Larsdatter Baugstø**» går inn i ekteskap 10. mars 1873. Brudgommen er f 9/9-1839 på «**Kampen i Nordre Aurdal**» og har «*opholdssted*» Baugstø. «*Brudgommens Faders Navn*» er **Ole Pedersen Fos**. - Brura er [fødd på Baugstø 25/3-1849](#)^[# 32] og er dotter til **Lars Olsen og Inger Tørresdatter Bougstøe** «Gaardbrugere». Dette står å lesa på side 164 for «**Ægteviede**» i [Ministerialboka](#) for [Skånevik prgj. \(1869-1878\)](#). Framfor datoen er nummer «**H 21**» notert. (**H** tyder truleg *Holmedals sokn* i [Skånevik prgj.](#) Frå 1964 høyrer Holmedal til i Kvinnherad).

Ola Olson vart døypt i Nord-Aurdal [3. november 1839](#)^[# 63]. Sidan dei to dåpsborna denne dagen høyrer til Skrautvøl sokn, må ein tru at dåpshandlinga var i [Skrautvøl kyrkje](#). Ola var «uægte» son til «*pigen Anne Johannesd Skroutvolds-Eie*» og «*ung. Ole Pedersen Foss* [▲]». Han er såleis syskenbarn til [Ola Erikson](#), omtala i stykket «*Vestover – dit han far kom frå*». **Ola** sto til [konfirmasjon 1. juli 1855](#) ^[# 1] «*ved Ourdals Kirke*». Ved [teljinga i 1865](#) er han «*Veiarbeider*» og losjerer på *Tangene lno. 43b* i [Flå sokn](#), Nes prgj. i Hallingdal. Eg finn ikkje namnet hans i innflyttingslistene i Skånevik.

Guri og Ola er [med i teljinga 1875](#). Dei bur på Baugstø lno. 64a saman med dottera **Anne** f 1872. Ole er «*Logerende h(us)ff(fader), Inderst*», yrket er «*Grubesmed*». Det må ha vore malmgruve i området denne tida. Sjå kart s. 4a i [denne rapporten](#). [Panteboksbladet for «Baugstøe med Sætvedt» lno 64a](#) syner m.a. ei «*Leiecontract mellem Conrad Brown og Phillip Mansfield Crow angaaende den Førstes Jernavvirkninger paa Bougstø og Sloke, dat 7 novbr 1869, thr 10 Jan. 1870*».

Anne Heline vart fødd 9. juni 1873. (ikkje 1872 som FT 1875 fortel), og vart [døypt i Skånevik 6. juli same år](#)^[# H55], [konf 9/10-1887](#) ^[# 8]. Sonen **Lars Olai** f 27/1- vart [døypt 25/2-1877](#)^[# 4] i Holmedal sokn, [konf 11/10-1891](#)^[# 7]. Så kjem **Inger Gurine** f 1/3-, [dpt 23/3-1883](#)^[# 1], [konf 17/10-1897](#) ^[# 10]. **Tinka Serine** f 6/12-, [dpt 27/12-1885](#)^[# 19], **Anna Olina** f 13/8-, [dpt 19/8-1888](#)^[# 10], [konf 11/10-1903](#) ^[# 29] og **Tinka Lovise** f 14/5-, [dpt 22/5-1893](#)^[# 8].

[Folketeljinga 1900](#) syner at **Guri Larsdtr** og **Ole Kampen Baugstø** bur på Baugstø *gnr. 31/4* i Skånevik. **Ole**(*gift veiarbeider*) er «*mellombels*» (passasjer?) på «[D/S Søndhordaland](#)». Døtrene **Anne** (1888) og **Thinka** (1893) bur heime hjå foreldra, medan **Lars** (1877) er «*sømand*» i utriksfart. Mor til Guri, **Inger (Enger) Tørrisdtr** (f.1816) bur i same hushald.

Då teljaren kjem til [Baugstø i 1910](#) held **Guri og Ola** og nest yngste dottera, **Anna**, til på gardsnr 31/4. **Inger Tørrisdtr** lever framleis, og denne teljaren har meint høyre at Inger er fødd i 1814. Litt leiting syner at Inger er fødd på «*Scharveland*» [22/12-1816 og døypt 26/12-1816](#). Ut frå opplysningane her kan ein òg gå ut frå at **Guri** Larsdtr er oppattkalla etter mormor si.

Tinka Serine (Serene) arbeider [ved 1910-teljinga](#) ved «*Stivetøyfabrik*» på Møllendal i Årstad(Bergen). **Inger Gurine** er [i 1910 tenestejente](#) hlå fam. Blytt i Harald Haarfagresgt 33 i Bergen. Yngste dotter, [Tinka Lovise](#), er «*Butikdame*» hjå familien Westvik på Orninggaard i Leirvik på Stord.

Anne Heline vart [5. mars 1891](#)^[# 1] gift med **Knut Tollefsen Hillestad** f 30/1, [dpt 18/2-1866](#) ^[# 26] i Fjellberg prgj. . [I 1900 bur dei i Nøstegate](#) matr no. 19 i Bergen. **Anne Heline** er [ved FT1910](#) kalla **Eline Olsdtr**. Ho og ektemannen **Knut Tollefsen** bur no på garden *Hystad 26/5* på Stord.

Anna Olina Olsdtr Kampen er brur i [Stord kyrkje 29. desember 1910](#) ^[# 11] ^[# 0]. Brud-gommen heiter **Oliver Martin Guttormsen** f 1887 på Storetveit i Fana, [konfirmert 6/4-1902 i Årstad krk](#)^[# 11]. Han har «*borgerlig Stilling*»: «*Stenarb*».

Ei **Inger Gurine** 1/3-1886 – 18/11-1962 er å finne på [Skånevik kyrkjegard reg. på DIS Gravminner](#) i fellesgrav med Walentin Svelland (24/2-1883 – 14/4-1969).

[▲] **Ola Olson** nemnd i «Gard og Bygd i Nord-Aurdal» band B, side 494 – H Hvattum. - Valdres Bygdeb. Forlag 2005 «Skåneviksoga», band I, har nemnt desse folka på sidene 473 og 474.

«Ikke hjemstavsrett i Sveio»

Ein sær «flyttbar» smed



[14. juni 1863](#)^[# 18] vert guten **Ole Kjørstad** konfirmert i Aurdal kyrkje. Kyrkjeboka fortel at han var fødd 13. mars 1848, og at foreldra heiter **Borger Olsen** og **Rangdi Endresd**. Slær vi opp fødde i året 1848 finn vi at *fødselsdato 13/4 vert stadfesta*, og at guten vart [døpt i Aurdal 23. april 1848](#)^[# 24]. Her er foreldra nemnde «**Bakkene**», som høyrer til under *Dal*, og ikkje under *Kjørstad*. Båe gardane ligg i Vestringsbygden i Aurdal sokn. Faddrane kjem frå plassen *Røyros*, gardane *Kulterstad* og *Bakko* i Vestringsbygden samt *Framgarden* i Reinli i Sør-Aurdal. **Rangdi Endresd** er frå *Røyros* og **Borger**(*Børgil*) voks opp i *Framgarden* i Reinli. Det ser ut til at **Borger** har ein son **Ole** utanom ekteskap 27/9-, [dpt i Vestre Slidre 11/10-1849](#)^[# 88]. Mor til guten er *Barbro Johansd Rebne* frå Røn sokn.

Rangdi og **Borger** gifta seg [i Aurdal kyrkje 22. april 1848](#)^[# 2], dagen før Ole vert fødd. Forlovarar er *Jakob Endresen Røraas* (bror til brura) og *Tidemand O Bakkene*. [Ved teljinga 1865 held dei til som husmannsfolk under Kjørstad](#). Attåt **Ole** får dei òg dottera **Gjartrud** f 16. oktober på Kjørstadeige og [døpt juledagen](#) 1851^[# 77] i Aurdal kyrkje. **Randi Endresdtr** [døyr 10/3-1883 og vert gravl. 15. mai s.å.](#)^[# 11] ved Aurdal kyrkje. Ho er notert som «*Gift, Lægdsf*».

«*Ungkarl og Steenarb Ole Borgersen*» 25 år, frå «*Nordre Aurdal – Reisende paa arbeide*», 28 år gamal, [vert gift 1. september 1872](#)^[# 25] med «*pigen Anna Bergithe Evensdatter*», 28 år gamal, fødd på «*Hlade pr Throndhjem – Reisende paa arbeide*». Giftarmålet går for seg ved [St. Jørgens Hospital](#) i Bergen. Ei **Bergithe** vert [dpt i Bakke krk i Trondheim 6/9-1846](#)^[# 72], med foreldre «*Inderst Even Hansen paa Teslian og kone Wilmikken Amundsdr*».

[Folketeljinga 1875](#) har **Ole Borgersen** f 1848 i «*Nordre Aurdal Valdres*» som «*Logerende Veiarbeider*» på *Øvstun* i *Fana* prgj. **Borger Olsen** i same hushald kan gjerne vera faren til Ole, men kven *Anna Oline Sivertsdr* er gift med går ikkje fram av teljinga. Dersom ho er gift med *Borger*, lyt han vera [bigamist!](#)

Dotter til «*arbeider Ole Borgersen Kjørstad og hstr. Anna Birgitte Evensdr Tesli*» får namnet **Anna Oline** i [Lade krk, Strindens prgj. 28. november 1886](#) ^[# 90]. Jenta vart fødd 13. oktober same år. (er ho oppkalla etter Anna Oline på Øvstun i 1865 ??)

Sonen **Bernt Randinius** vert [fødd på Gjosæter 3/9- og døpt 18. november 1888](#)^[# 34].

Ole Borgersen får [skjøte på Gjosæter gnr 79/\(4\)](#) 28/7-1888, tinglyst 13/8 s.å. Garden vert kjøpt frå *Ole Monsen Klubben*. **Ole Borgersen** gjev føderådsbrev til «*Faderen Borger Olsen i tilfælle af Misligholdelse tilbagebetale Kr 400 (som Faderen har betalt paa Kjøbesummen paa gaarden) dat 20 Nov Thl 4 December 1888*».

Ole Borgersen skjøter garden vidare 6. november, tinglese 17. november 1890. Kjøpar er **Knud Hermansen**, svogeren hans. Panteboka fortel: «*Kjøberer skal opfostre Selgerens søn Bernt Saalenge Sælgerens Fader lever, og ikke for et længere tidsrum end 2 – to – Aar, og saafremt ingen af Fosterforældrene dør inden tid. Med i Salget følger den Avling, alle Kreaturer, redskaber og Baad*». **Knud Hermansen** skjøter 17/12-1892 til svigerfaren **Borger Olsen**. Ei «[Flædføringskontrakt](#)» der

Borger Olsen «sælger dette brug og alt hvad han eier ..» til sin søn **Ole Borgersen** er datert 26/1, thgl 4/2-1895. – Med skjøte av 6/4-, tgl 3/9-1903 skjøter *Ole Borgersen og hustru Anna* bruksnummer 4 til *Martin Kristoffersen*. Dei held sjølve att rettar til hus m.v. på staden Haugen (Nymark?) under dette bruket.

«*Stenarbeider, enkem. Berger Olsen*» f 1825 «*Øvre Reinli Valdres*» [døyr på Gjosæter 29. mars 1899](#) [# 5] og vert gravlagt ved Bremnes kyrkje 5. april s.å. Han er nemnd «Fattiglem»

Ved [teljinga 1900](#) bur familien på Gjosæter 79/4 i [Finaas prgj.](#) Dottera Anna Oline vert konfirmert i [Bremnes kyrkje 14/10-1900](#) [# 32]. **Anna Oline** får 3/9-1908 ein son utanom ekteskap. Faren er «*maskinist Einar Jensen Eldøen*» f 1886 på Stord. Guten får namnet **Einar**, og [vert døypt 27/9-1908](#) [# 34].

Nymark 79/8 er [tilhaldstad for familien i 1910](#). Sonen **Bernt** er no «Fyrbøter på dampskip» og systera **Anne Oline** er «Hermetikarbederske»

«*Smed Ole Borgersen*» f 1848 Vang i Valdres [døyr av «Hjertefeil» 10/2-1932](#) [# 2] på *Emberland i Sveio*. Han vert gravlagd ved [Sveio kyrkje](#) 17. februar s.å. – I merknadsrubrikken er notert: «*Ikke hjemstavnsrett i Sveio*» (Han var heller ikkje fødd i Vang, men i AURDAL i Valdres)

La oss sjå på syster til *Ola Borgerson, Gjertrud Borgersdotter*. Ho vart [konfirmert i Aurdal kyrkje 10. juni 1866](#) [# 1], og var åleine konfirmant denne dagen. [Ho melder innflytting til Skånevik prgj. i 1871](#) [# 2], og flytter inn frå *Kjørstad i NordreAurdal* til *Baugstø i Skånevik prgj.* Ho har med attest «*af 26/2-72 fra Sognepr i N Aurdal*». I feltet «Opgiven hensigt med Indflytningen» er det skrive: «*at giftes med foreg.*» - Foregående peikjer då til innflyttinga notert [# 1] for **Knut Hermundsen Øen** frå *Ål i Hallingdal*. Han kjem for «At arbeide ved *Brugstø Jernverk*». - Dette er der *Ola Olson*, omtala i førre stubb, var smed. Attesta til **Knut Hermundson** er skrive 2/10-1866 av «*sognepr i Aal*». **Knut** er [f 2. september 1845 og døypt 28. september s.å.](#) [# 73]. Foreldra er «*Inderst Hermund Gulliksen og Ingeborg Nilsdatter*» Vi finn **Knut** ved [teljinga 1865](#) som inderst på *Juvestølen, Isungset Øen i Ål*.

Gjertrud og **Knut** [vert gifte 8. mai 1872](#) [# 3] i Holmedal sokn i Skånevik prgj. Forlovarar er *Ole Hermansen Øen* (truleg bror til brudgommen) og *Lars Askildsen Sloke*. Knut er nemnd i samband med transaksjonar med eigedom i Gjosæter (sjå ovanfor).

[FT1875](#) syner at **Knud Hermundsen** og kona **Gjærtrud Borgersdatter** budde på [Gausel](#), lno 102c i Hetland prgj. **Knut** vart då skriven logerende, Jærnbanearbeider. Hetland herad vart [delt i 1965](#) mellom Stavanger og Sandnes.

Pladsmænd og Pladsmændskone var «yrka» til **Knut Hermansen** og **Gjertrud Borgersdotter** ved [FT1910](#) for Finnås herad. Dei budde då på plassen Gjosæter under gnr 79/4.

Det er truleg **Gjertrud**, skriven *enke Gjærtrud Hermansen*, f N Aurdal, som [døyr på Gjosæter 25/8-1926](#) [# 11].

Bonden på Sævartveit i Ulvik.



Ein liten gut får i [Ulvik kyrkje 15. oktober 1854](#)^[# 55] namnet **Peder**. Guten var fødd 10. oktober. Foreldra er i kyrkjeboka skrivne «**Ole Lokreim af Valdars og Anna Tollefsdatter Ødven**». – (Det er mogleg at patronymet til mora er feilskrive.)

Ola Olson Lokreim var f 6/6-, dpt 19/6-1825^[# 21]. Foreldra heiter *Ola Haldorson og Sigri Eivindsdotter*. Han vert [konfirmert i Vang prgj. 14. juli 1839](#)^[# 34]. **Ola** er i «*Gardar og slekter i Vang*», (band B side 419) nemnd som den yngste i ungflokken til *Sigri* og *Ola* på Løkreim, gardsnr. 81. – **Ola Olson** får [notert utflytting, 29 år gamal, til Hardanger 17/6-1854](#)^[# 124].

Ola Olson får [skjøte på Sævartveit 39/1](#) (løpenr. 147) av *Svein Olsson* for 300 Spd 3. april-, tinglese 4. april 1857. **Ola** skjøter vidare til sonen **Peder** 26/5-1880, tinglyst 8. april 1881. Ein ser av pantebokbladet at garden har rettar ved [Hallingskeid](#) inne på Hardangervidda. Ein «*Jernbanetakst*» av 1899 er tinglese 27. januar 1900 – i samband med bygging av [Bergensbanen](#). Garden gjev og rettar til «[taugbane](#)» for «*Vasfjærens skiferbrud*».

Anna Pedersdtr og Ola Olsen «*Gardfolk paa paa Sævartveit*» døyper dottera **Sigrid Ellena** [10. juni 1860](#)^[# 23]. Ho er fødd 2. april s.å. Sonen **Ole** vert [f 31. mars og døypt 24. mai 1863](#)^[# 42]. DIS Gravminner har [gravsteinen registrert ved Flåm kyrkje i Aurland](#). Familien er [i 1865 registrert på «Sævertvedt»](#) i Ulvik prgj. Der finst dei òg i [1875](#), [1900](#) og [1910](#). *Ulvik Gards- og ættesoga band I, sidene 316 – 328* har mykje stoff om familien.

Ola Olsen Lokrheim [døyr på Sævartveit 13. april 1911](#)^[# 4] og vert gravlagd ved Ulvik kyrkje 21. april s.å.

Systemene frå Høvseige i Øystre Slidre kom til Hauge på Voss



Ved gjennomlesing av dødsfall i kyrkjebøkene for Voss, frå 1878 og frametter, kom eg over to «gamle jenter» som hadde vogga si på Høvseige, gardsnr 45 i Øystre Slidre.

Astri var den eldste av dei. Ho [var f 6/1-, dpt 14/1-1838](#)^[# 6], [konf 5/6-1853](#)^[# 30]. **Marit** [f 5/12-, dpt 13/12-1840](#)^[# 68], [konf 1/6-1856](#)^[# 38].

Leitar vi etter systemene i Folketellinga 1865, finn vi **Astri** [som tenestjente på Rud Ino. 153 i Snertingdal](#). **Marit** bur som «*Inderst*» på *Mørken* i Rebne krins i Røn sokn i Vestre Slidre saman med far sin, *Knut Pedersen*, og andre kona hans, *Astri Jonsdotter*.

Jentene bur, så vidt teljinga syner, ikkje på Voss i 1875. Ved teljinga 1891 finn vi **Martha Knudsdatter Hauge** f 1848 i «*Valders østre Slidre*» på «[Personseddel 1](#)» og systera **Astri Knudsdatter Hauge** f 1837 på «[Personseddel 2](#)» i teljekrins 11 i Voss herad. Av 'seddlane' ser det ut til at Marit driv som «*Væverske og vaskepige*», og at ho tek seg av syster si. I 1900 held dei til [på ein stad under indre Hauge, gardsnr 192/1](#).

Astri er den fyrste av jentene som [døyr, 1. oktober 1904](#)^[# 35]. Bustad er oppgjeve til «*Bjorkeli, Rokne*» Ho vert gravlagd 6. oktober ved Voss kyrkje. – **Marit**, eller *Marta* som kyrkjebokskrivaren kallar henne, bustad *Hauge*, [døyr 3/8, gravl. 10/8-1909](#)^[# 38], også ved Voss kyrkje.

Anne frå Mo i Slidre, kone i Græshuset på Voss Langtur med vokalskifte



[13. juni 1872](#) [# 21] turar dei bryllaup på Voss. Då giftar 26 år gamle «Pige» **Anne Iversdotter Moe** frå «Slidre i Valdres» seg med «**Ungk Lars Trondsen Græe**» frå Voss. Lars er då 38 år, dersom ein tek Ministrerialboka bokstaveleg.

Anne Iversdotter var f 22/9-1846 på *Mo i Slidre* sokn og [døpt 28/10-1846](#) [# 93] i Vestre Slidre prgj. Foreldre er «**Inderst Iver Andersen Moe og Marit Engebretsdatter**». Anne var eldst av 6 sysken. Ho vert skriven *Moe Eie* ved [konfirmasjonen, 29/6-1862](#) [# 34]. Ved teljnga i 1865 finn vi Anne som [tenestjente på Ulvé i Røn sokn](#) i Vestre Slidre. Foreldra hennar er no [husmannsfolk under Mo](#). På turen over «[langfjella](#)» gjer døypenamnet hennar, lik mange sterke verb, eit [vokalskifte](#). På Voss vert ho i kyrkjebøkene skriven **Anna**.

Ho vert registrert [innflytta til Voss 25. mars 1872](#) «*For at indtræde i Egteskab i Vangen Sogn*». Ho er ikkje notert utflytta i Ministerialboka i Vestre Slidre. Mykje tyder på at er komen til Voss ei god tid før denne registreringa, for [15. oktober 1871](#) [# 144] døypte paret ein «uegte» son, **Ivar**, f. 11. sept. 1871, [konfirmert 10/10-1886](#) [# 5]. **Anne** kan difor ha feira nyår 1871 i Vossatraktene! – Ved [teljnga 1875](#) bur familien i *Græshuset*. [Dei er nemnde på side 245 i band III av «Vossaboki»](#).

Dottera **Brita** vert [f 16/10-](#), [dpt 17/11-1876](#) [# 181] med faddrar frå *Rokne* og *Græe*. Ho står til [konfirmasjon 24/4-1892](#) [# 18]. Så kjem sonen **Trond** [f 30/5-](#), [dpt 12/7-1885](#) [# 48], [konf 22/4-1900](#) [# 30], [emigrert til Mankato, MN 4/4-1907](#). og dottera **Ingebjørg** [f 25/2](#), [dpt 12/4-1891](#) [# 18], [konf 30/4-1905](#) [# 17].

Lars Trondsen døyr av «[Lungebetendelse](#)» [7/12-](#) og vert gravlagd [12/12-1895](#) [# 39]. Ved teljnga 1900 bur «*Husmandsenke*» **Anne Ivarsdtr** og borna **Trond** og **Ingebjørg** i *Græshuset*. **Trond** er no «*Skredderlærling*» hjå broren **Ivar** (*Skræddermester*). Systera **Brita** er «*Syerske*» - og dei [er registrert busette på «Bøe-Lundheim»](#) gnr 49/14 på Voss.

Brita (f 1876) [vert gift på Voss 4. oktober 1904](#) [# 36] med gardbrukar **Nils Olsen** på Fenne [f 4/8-](#), [dpt 19/9-1880](#) [# 64]. [Vossaboki bd. 2 side 555](#) fortel at *Nedre Fenno* vert selt på auksjon i 1914. **Brita** og **Nils** får borna: **Olav** [f 1/4-](#), [dpt 24/4-1905](#) [# 30], **Lars** [f 24/10-](#), [dpt 18/11-1906](#) [# 83], [konf 10/4-1921](#) [# 27], **Peder** [f 7/8-](#), [dpt 13/9-1908](#) [# 59], [konf 15/4-1923](#) [# 22], [emigr 22/10-1930](#). **Ivar** [f 24/4-](#), [dpt 29/5-1910](#) [# 32], [konf 27/4-1924](#) [# 30], [emigr frå Bergen 17/2-1929](#). **Marta** [f 23/4-](#), [dpt 23/6-1912](#) [# 34], [død 24/12-1914](#) [# 38], **Nils** [f 20/6-](#), [dpt 24/8-1913](#) [# 50], [konf 15/4-1928](#) [# 21] (bustad: *Istadmyri*), **Marta** [f 1/11-1915](#), [dpt 13/2-1916](#) [# 7], [konf 27/4-1930](#) [# 30] (bustad: *Istadmyri*), **Arne** [f 14/11-1917](#), [dpt 2/5-1918](#) [# 41], død 15/4-1998 (DIS Gravminner ID=402484)

Når teljaren kjem [i 1910 finn han familien på nedre Fenne 167/6](#). Her bur og svigermor **Anne Ivarsdtr**. Anne «*har understøttelse av en søn i Amerika*». Kanskje er dette eldsteguten **Ivar** (Græe), som iflg «[Findagrave.com](#)» er [gravlagd på Camas Cemetery, Clark Co. i staten Washington](#). Fødselsdato er 11/9-1871. Dødsdato er oppgjeve til 3/2-1967 i *Portland, Oregon*. Han [gifta seg 24/6-1902](#) [# 15] med **Anna Olsdtr Øfstedal** ([11/6-1878](#) – [10/3-1943](#)) frå Evanger. Dei [reiste frå Bergen 2/6-1904](#) til St. Louis, Minnesota

Enkje, «*Husm.kona*» **Anna Ivarsdtr Græe** f 1846 i Valdres, [døyr på Fenno 27/11-1917](#) og [vert gravlagd ved Voss kyrkje 4/12-1917](#) [# 51].

«For at finne Arbeide» - til Bryn på Voss 1855

24. april 1855 vert [fire personar frå Nordre Aurdal skrivne inn i blant dei innflytte til Voss prgi](#)^[# 10-13]. Dette er «**Thrond Nielsen Garlie** (50 aar), hustru **Barbra Olsd** (48 aar), datter **Jørاند** f 5/1 35 og søn **Ole** f 4/4 38». [Fyrste mai same år](#) leverer ungd **Nils Tronsen Garlid** og syster hans, **Ingeborg Tronsdt Garlid** attest «*af 14 Sept 1854 fra sognepræsten til Aurdal*». «Opgiven hensigt» er «for at tage ophold her».

Trond Nilson (*Troen seier kyrkjeboka*) vart [døypd i Skrautvål kyrkje 30. oktober 1803](#)^[V side, øvst], og [konfirmert same stad 30. juli 1820](#)^[# 15]. Han er son til *Nils Trondson Garli* og *Ingri Arnesdotter*. - **Barbo Olsdtr** vert [døypd i Skrautvål 4. juni 1805](#)^[V side, 6. ovanfrå] og [konfirmert i Aurdal kyrkje 22. august 1819](#)^[# 33]. Foreldra er *Ola Halvorson Brattvøl* (*Tåmmåset* når Barbo vert døypd) og *Ingebjørg Andersdotter*.

Barbo og **Trond** [giftar seg 29. november 1829](#)^[# 2]. Sidan alle tre brurepara denne dagen har tilhald i Skrautvål sokn, gjekk dei truleg inn i ekteskapet i Skrautvål kyrkje.

Barbo og **Trond** fekk barneflokk: **Nils** [f 6/9-1829](#), [dpt 1/1-1830](#)^[# 7], [konf 28/7-1844](#)^[# 27]. **Ola** [f 8/2-](#), [dpt 3/3-1833](#)^[# 11], [død 15/12-1833](#), [gravl 20/12-1833](#)^[# 1]. **Jøren** [f 5/1-](#), [dpt 21/1-1835](#)^[# 7], [konf 1/7-1849](#)^[# 11]. **Ola** [f 4/4-](#), [dpt 13/5-1838](#)^[# 39], **Anders** [f 3/6-](#), [dpt 4/7-1841](#)^[# 61]. og **Ingebjørg** [f 9/7-](#), [dpt 20/8-1843](#)^[# 27], [konf Voss 10/10-1858](#)^[# 27].

Ein Tron Nilsen Garli får skjøte på løpenr 61^a [Bjørnsnøs i Hustad](#) 19/12-1847 og sel vidare til **Tollef T Dale** 19/9-, [tinglese 20/9-1848](#). Men om dette er «*vår*» **Trond**, er ikkje sikkert.

Jøren [vert gift 28. juni 1860](#)^[# 29] med enkjemannen **Jørgen Halleson Dagestad**. Jøren har fått notert «*Øyer Prestegjeld*» som fødestad, men det er nok vår Jøren frå «*øvreGali*» det her er tale om. Far til **Jøren**, **Trond Nilson** er forlovar.

Ved [teljinga i 1865](#) er *rett* fødestad notert før **Jøren**, men det er berre *dei siste 3* i barneflokk som er «*Deres børn*». Dei eldre borna høyrer til Jørgen sitt fyrste ekteskap. Sonen **Klaus** er [f 5/6-](#), [dpt 28/6-1860](#)^[# 119] (same dag forledra giftar seg – *dei sparar ein kyrkjetur*). Morbror *Ola Trondson* er fadder ved dåpen. Dottera **Guro** vert [f 21/1-](#) [dpt 11/3-1863](#)^[# 44], denne gongen med moster *Ingebjørg Trondsdotter* blant faddrane. Sonen **Torstein** [f 18/10-](#) [dpt 25/12-1865](#)^[# 272]. Her er *Andreas Trondss Dagestad* fadder. **Torstein** [døyr 28/3-1870](#), [gravl 3/4 s.å.](#)^[# 21]. **Jørgen** [f 19/6-](#), [dpt 23/7-1868](#)^[# 136] og **Torstein** [f 5/4-](#), [dpt 29/5-1871](#)^[# 81] er dei siste i barneflokk innan faren, **Jørgen Halleson Dagestad**, [døyr 11. februar 1873](#)^[# 14]. Han vert gravlagt ved Voss kyrkje 18 februar 1873. Skiftet etter han er nemnt i [panteboka folio 238](#).

Nils Trondson [er ved teljinga 1865](#) «Handelskarl» på Gjerme på Voss. [Han gifta seg 12. juni 1865](#)^[# 15] med **Randine Johannesdtr Gjerme**. [10 år seinare er dei husmannsfolk på Rekve](#). Enkjemann **Nils Trondson** [døyr på Rekve 25/2-1899](#)^[# 10], [gravl. 4/3 s.å.](#)

Barbo Olsdtr og **Trond Nilson** [er i 1865 husmannsfolk på plassen Skogen](#) på Voss. Sonen **Andreas** er «*kardemakar*» same stad, bror hans, **Ola**, er «handelsmand». Ungk. **Olaf Throndsen Gjernæs** og **Gudve Knudsdr** [døyper ei «uægte dotter», Kirsti, 20/1-1861](#)^[# 13]. jenta var fødd 7. desember 1860. Gudve - **Gudve Knudsdr Helland** og **Ola Throndsen** [giftar seg 21/6-1864](#)^[# 34]. Tvillingjentene **Jøren** og **Anna** er [fødde 13/10-1864 og døypte 25. desember s.å.](#)^[# 221&222].

«*Husmdk Barbraa Olsdr Dagestad*» [døyr 22/2-](#) og [vert gravlagd 2/3-1875](#)^[# 19]. Ektemannen «*Lægdslem Thrond Nilsen Dagestad*» [vert lagt til kvile ved Voss kyrkje 11. august 1883](#)^[# 26]. Han døydd på Dagestad 8. agust s.å, nær 80 år gamal.

[Folketeljaren finn i 1875 Jøren Trondsdr](#) som enkje og «*Vilkaarkone*» på Dagestad. Dei fire borna bur saman med henne. Sonen **Torstein** (1871) [emigrerer 17/9-1891](#), og broren **Klaus** [14/4-1893](#). [I 1900 bur Jøren](#) åleine på Bø, gnr 109. [I 1910 held ho til hjå](#) dottera **Guro** på Dagestad gnr 238/4. **Guro Jørgensdr** vart 27/9-1887 mor til tvillingane **Ingebjørg** ^[# 66] og **Jørg** ^[# 78]. Dei vart døypte på Voss 6/11-1887. Far deira er «*Snedker Brynjel Olufsen Liland*».

Guro [giftar seg 10. juli 1899](#)^[# 48] ^[NBI] i [Sandviken kyrkje](#) i Bergen med smedmeister **Lyder Mads Henrik Andersen** [f 2/11-1872](#)^[# 27] i *Eikefjord i Kinn prgi. i Sunnfjord*. **Guro** og **Lyder** vert foreldre til **Anna Jørgina** [f 15/11-](#), [dpt 26/12-1899](#)^[# 115], [konf 19/4-1914](#)^[# 1] og **Anders** [f 28/8-](#), [dpt 10/11-1901](#)^[# 109]. Familien er på Dagestad gnr. 238/4 både i [1900](#) og [1910](#).

Guro J Dagestad f 1863 er, etter databasen «DIS Gravminner», gravlagd ved Voss kyrkje 13. juli 1945 [[ID= 402357](#)]

På DIS gravminner finn vi **Anders Dagestad** f 28/8-1901 gravlagd på Farnes nye gravstad, Årdal i Sogn 26/2-1979. ([ID= 2229462](#)). **Marie** f 7/6-1908, død 7/7-1984 ([ID= 2229463](#)) er gravlagt inntil. Dette er truleg ektefeller.

Ei **Ingebjørg Lunde** f 27/9-1887 er gjerne Ingebjørg Brynjelsdtr, dotter til **Jøren Trondsdr** Dagestad. Ingebjørg er død 2/1-1986 og gravlagd på Voss 10/1-1986 ([ID= 401162](#))

«*Kaarenkja Jørund Trondsdotter Dagestad*» får eit langt liv. Ho døyr 8. februar 1921, vèl 86 år gamal. Ho vart [gravlagd ved Voss kyrkje 12/2-1921](#)^[# 3]. Både Ministerial- og Klokkarboka har «*Vang i Valdres*» som «Fødested», men no har vi slege fylgje med henne **Jøren** frå vogge til grav – og har godtgjort at vogga var plassert i Garlibygden i Nord-Aurdal!

Familien er omtala på sidene 366,367 og 385 i «Gard og bygd i Nord-Aurdal» Band B, fleire forf. Valdres Bygdeboks forlag 2012
Ein Anders Tronsen Garlic, 1 år gamal, er [død 4/6-. gravl 8/6-1842](#)^[# 18]

Bergen



Sang til Bergen

Av Johan Nordahl Brun

Jeg tog min nystemte Cithar i Hænde;
Sorgen forgik mig paa Ulrikens Top.
Tænkte paa Bauner, om de skulde Brænde,
og byde Mandskab mot Fienden op;
følede Freden, blev glad i min Aand,
og greb til min Cithar med legende Haand
[\(YouTube\)](#)

Sjå: [Frå Skandinavias største by til strilane sin hovudstad](#)

Elektrisk arbeidar i Kristiania, gift i Barbu, elektriker i Bergen

Denne stubben vel eg å starte i [Barbu kyrkje](#) ved Arendal. Ei veke etter vinterdagen, [21/10-1906](#)^[#26] var det bryllaup der. *Tjenestepige i Ormevigen*, **Salvine Marianne Andersen** gifta seg med *Elektriker v Eg Sindsygeasyll* **Ole Olsen Kildedal**. Forlovarar var *Bryggearb* Knud Tellefsen frå [Strømsbuneset](#) og Ferdinand Pedersen frå [Ormevigen](#).

Brura var dotter til seilmager **Salve Andreas Andersen**, Hansnes og **Martha Henriksen**. Ho var f på [Hansnes](#) 24/6-, dpt [Barbu krk.](#) [4/9-1887](#)^[#80], konf [Oddernes krk.](#) [6/10-1901](#)^[#10]. Ved [FT1900](#) budde ho i [Vige](#) gnr 47/1 i Oddernes

Brudgommen kom til verda på [Nordåkseige](#) 15/10-, dpt i [Aurdal krk.](#) [18/11-1877](#)^[#145], konf [Aurdal](#) [16/4-1893](#)^[#18]. Foreldra hans var **Ola Olson** og **Matea Mikjelsdtr**. Familien budde i Kildedalen under gnr 85/2 i Nord-Aurdal ved [FT1891](#). **Ola O Kildal** er så komen til Kristiania. Der er han registrert ved [FT1900](#), busett i [Hospitalagaden](#) 8 og skriven «*Elektrisk arbeider*». Han var nok mellom dei fyrste frå Valdres som fekk opplæring innan dette «moderne miraklet». Eg kjem attende med ein liten tabell i slutten av denne stubben.

Når vi kjem til [FT1910](#) finn vi **Salvine Marianne** og elektriker **Ole Kildedal** busett i [Jonas Reinsgt.](#) 9A i Bergen kjøpstad. [Valmanntalet 1934](#) for kommuneval i Bergen syner ar dei då budde i [Konsul Børs gate 11B](#) i Bergen. Hjà DISgravminner finn vi at **Ole Olsen Kildedal** døydde 1951, gravlagd [31/5-1955](#) og **Salvine Marianne Kildedal** døydde 1967, gravl [4/12-1967](#). Då kjem eit par avsnitt om borna deira:

Sonen **Otto** var f 21/1-, dpt Johannes krk. [7/3-1909](#)^[#24], konf Johannes krk. [11/5-1924](#)^[#27]. DISgravminner syner at han døydde [6/3-1981](#). Han deler gravstein med **Hjørdis Lucie** Nikolaidtr. Ho var f 25/6-, dpt [1/7-1907](#)^[#83] på [Fødselsstiftelsen](#) i Bergen. Foreldra var **Anna Karoline Strand** og **Nikolai Eli-seus Ibenhard Stammæs**. **Anna Karoline** var f på [Sommarhus](#) på Austvågøy (Hadsel prgj) 12/1-, dpt Hadsel krk. [27/7-1884](#)^[#57], konf [Hadsel krk.](#) [11/6-1899](#)^[#47]. Nikolai var fødd på Røst 21/1-1879, dpt [Værøy krk.](#) [29/7-1879](#)^[#3]. - **Anna Karoline** vart ved FT1900 registrert på Sommarhus gnr 35/1,2&3 i Hadsel, Ti år seinare hadde ho flytta seg mange breiddegrader sørover – [FT1910](#) plasserer henne og dottera **Hjørdis Lucie** på [Søyland](#) gnr 68/18 i Nes Herad, Flekkefjord prgj.

Otto Kildedal døydde iflg DISgravminner [6/3-1981](#), gravl 7/5 s.å. medan **Hjørdis Lucie** døydde [21/3-1889](#), gravl 25/5-1989. Dei kviler på Solheim kyrkjegard, Årstad, Bergen.

Dottera **Solveig** var f i Jonas Reins gt 9 26/5-, dpt [Johannes krk.](#) [18/9-1910](#)^[#107]. Hjà DISgravminner finn vi at ho døydde [27/11-1985](#), gravl 3/12 s.å. Ho deler gravstein med **Mathias Gjellestad** f 31/12-1906. FT 1910 syner ein **Mathias Gjellestad** f 31/12-1906 busett i Helgesensgate 8 i Bergen kjøpstad. Han bur saman med foreldra, **Lars Gjellestad** og **Berte Oline**. Vi finn ein Lars Gjellestad f 2/9-, dpt Sandviken krk. [8/10-1882](#)^[#111], konf [3/10-1897](#)^[#12]. Familien budde ved [FT1900](#) i Sandvigsvei ny 50. Eg vel å tru at **Berte Oline** var f på Ålundsøy i Ølen 29/12-1883, dpt i [Ølen krk.](#) [17/2-1884](#)^[#4], konf [Gjerde krk.](#) [2/10-1898](#)^[#3]. Ho budde ved [FT1900](#) på [Vaudlen](#) under gnr 25/4 i Etne herad.

Ein **Mathias Gjellestad** 31/12-1906 finn vi i [Kommunal teljing 1922](#) med adresse Sandviksvei 50 i Bergen kjøpstad. Han bur hjå Familien **Erik Andersen/ Barbra Sofie**. **Erik** var son til Anders Eriksen og Anna Johnsdtr, f Nordre Jellestad 28/9-, dpt Birkeland krk. [16/10-1870](#)^[#98].

DISgravminner syner at **Solveig** f Kildedal døydde [27/11-1985](#), gravl 3/12 s.å. **Mathias Gjellestad** døydde [23/11-1988](#), gravl 12/1-1989. Ekteparet kviler på Fana kyrkjegard



Foto OHF

Går ein attende til kring 1900 er det vel lite tvil om at det var Bergen som hadde den største kontaktflata med verda utanfor. Då eg las gjennom kyrkjebøkene for Bergen på leiting etter vigsler av folk frå Valdres, fann eg personar frå alle verdsdelar som hadde stifta ekteskap der – mange fleire enn i Kristiania.

Uforståeleg og overveldande Elektrisiteten var noko «helt moderne» tidleg på 1900-talet

Dette er sitat frå nettsida «[Elektrifisering av hjemmet](#)» hjå Norgeshistorie.no. De kan og gjerne ta ein tur innom nettsida «[Energi i Norge](#)» hjå Wikipedia.

Eg nytta søkeordet «**elektrisk**» i feltet «*Yrke*» for folketellingane i 1885, 1900 og 1910.

Fylke / År	1885	1900	1910
Østfold		224	72
Akershus		22	64
Kraa.	1	387	526
Hedmark		23	87
Oppland		5	8
Buskerud		19	45
Vestfold		15	30
Telemark		13	41
Aust Agder		8	15
Vest Agder		24	28
Rogaland		2	82
Hordaland		12	12
Bergen		42	81
Sogn/Fjordane		1	4
Møre/Romsdal		4	18
S Trøndelag		55	78
N Trøndelag		0	18
Nordland		5	24
Troms		3	15
Finnmark		3	6
	1	867	1254

Dette var dei eg fann med «fødestad» oppgjeve til ein stad i Valdres. Elles finn ein at Tonsåsen Sanatorium ...hadde kraftverk i 1900, og i 1910 tyder det på at dei hadde «elektrisk anlegg» i Volbu.

FT 1900	Fødselsdato	Fødested	Stilling og stand
Ole Kildedal	1877	N. Aurdal Valdres	el ug Elektrisk Arbeider
Ole Ols.	1878	Valders Krs	el ug Kanalarbeider Schukert & Co's elektriske kraftanlegg
Kristian A. Gottenborg	1880	Søndre Aurdal Krs	El ug Skomagermester og oppasser ved elektriske lysanlægget
Anders Jordet	1869	S Aurdal Krs	fl g Maskinist ved sanatoriets elektriske lysanlegg
Ragna Heyerdahl	1872	N. Aurdal	d ug Kasserer ved elektrisk kontor

FT 1910	Fødselsdato	Fødested	Stilling og stand
Torsten Kjos	23.03.1883	Vang Valdres	Losjerende ug Elektrisk (hjelparbeider)
Nils Gundersen Hagen	22.02.1873	v. Slidre Valdres	hf g Kontrollør ved Kra elektriske sporvei
Torstein Olsen Jørstad	11.12.1880	Østre Slidre	s ug tekniker ved elektrisk anlegg
Olaus Kristiansen	24.03.1867	Etnedalen Valdres	hf g Elektrisk Arbeider
Ragna Heyerdahl	02.03.1872	N. Aurdal	d ug kontorist ved elektrisk forretning

Bergen var meir «internasjonal» enn Kristiania - og «hovudstad» for Vangsgjeldingar

Når ein les kyrkjebøker frå Bergen ser ein snøgt at Bergen fram mot 1920-1930 var det største knutepunktet Noreg hadde med utverda. Her finn vi folk med fødestader som [Huang](#) -Kina, [Sorbaja](#) -Java, [Sydney](#), [Brooklyn](#) -NY, [Cochin-Kina](#), [Saigon](#), [Durban](#), [Anchorage](#), [Alger](#), [Glasgow](#) og [Riga](#).

Attåt dette finn vi mest alle stoppestader langs «[riksveg 1](#)», m.a.: Vardø, Kjøllefjord, Kistrand, Loppa, Lenvik, Trondenes, Borge i Lofoten etc. - Sjølv sagt kjem fleirtalet av innflyttarar frå omlandet kring byen, ofte kalla «[Strilelandet](#)» - og ei stor mengd med kvinner og karar frå Sogn, Sunnfjord og Nordfjord gjestar [byen mellom dei sju fjell](#) for å bli ektevigde.

Fordelinga mellom kvar Valdrisane med bustad i Bergen kom frå kjem fram i tabellen under. Legg merke til at ein del har fått merkelappen «Valdres» utan at eg er sikker på kvar dei hørde til

Teljing år	1865	1875	1885	1900	1910	samla
Vang	7	9	2	11	10	39
Slidre	7	3	3	6	2	21
Aurdal	6	7	8	9	6	36
"Valdres"	6	6	4	3	4	23
	26	25	17	29	22	119

Folketalet i dei tre prestegjelda var: (1875 er berre med Nord-Aurdal, 1885 var «byteljing»)

Vang	2967			2149	1908	7024
Slidre	5806			4988	10330	21124
Aurdal	12047			10330	10868	33245
	20820			17467	23106	61393


Ser ein talet av tillflyttingar i høve til folketalet i kvart prestegjeld syner det et ein «Vangsgjelding» teller meir enn ein Slidring - og enno meir enn ein Aurdøl ! No var og vegen til Bergen stuttare for dei som budde i Vang enn for ein Aurdøl. Eg tek med tabell om Vangsgjeldingar i Kristiania:

Teljing år	1865	1875	1885	1900	1910
Vang	10	9	12	43	35



Postkort frå Bergen

Skomakarmeisteren frå Vang hovudsokn møtte trønderjenta Serianna i Bergen



[22/6-1856\[#26\]](#) er det møtt fram eit brurepar i [Nykirken i Bergen](#). Dette er ungkarl og skomagermester **Even Evensen**, fødd i Vangs Præstegjeld og **Serianna Olsdtr** frå Hallan i [Verdalen](#).

Han **Eivind**(Even) var fødd 13/7-, døypt i [Vang kyrkje 2/8-1829\[#37\]](#). Han var «uægte» son til Pigen **Gurie Østensd Gaasedelen** og *Faderen er udlagt Ungkarl Even Evensen Bøe*. Det et vidare notert at der var «*Bægges 3die Leiermaal*». Vi finn dei omtala på sidene [460/464](#) og [842](#) i Valdres Bygdebok «*Gardar og slekter i Vang*» band A. **Eivind** var konfirmert i Vang prgj. [16/6-1844\[#27\]](#).

Ho **Serianna** kom til verda 13/1- og vart døypt i [Vuku kyrkje](#), Verdal prgj. [5/3-1826\[#40\]](#), konf [3/10-1841\[#11\]](#). Ho var dotter til gardfolka **Ole Joens Wangstad** og **Lisbeth Svendsdtr.** – Her vil eg hefta litt ved førenamner **Serianna** i slutten av denne stubben.

Serianna og **Eivind** budde i [Rode 6-10](#) då dei vart foreldre til dottera **Elisa Gurine** ^A f 16/10-, dpt i Nykirken [30/11-1856\[#104\]](#), konfirmert Nykirken [7/4-1872\[#38\]](#). Rode 5-10b var adressa då sonen **Edvard Olai** ^B vart fødd 3/7-, dpt Nykirken [14/8-1859\[#79\]](#), konf Nykirken [4/10-1874\[#60\]](#). Yngst vart **Sara Emelia** ^C f Rode 5-127 - 18/8-, dpt Nykirken [16/9-1866\[#71\]](#), konf Nykirken [1/10-1882\[#42\]](#).

Vi finn familien ved [FT1865](#) busett i Rode 5-127c. Då hadde skomakarmeidter Bø to sveinar, **Ove Ingvaldsen** frå Vang (som vi møter i neste stubb) og **Anthon Johnsen** frå Gloppen. Ti åt seinare – [FT1875](#) finn vi familien i Rode 1-103. (Digitalarkivet har ein artikkel om «[Strøk- og hushistorie i Bergen](#)» og Slekt og Data har ei nettside om [rodeinndelinga i Bergen](#))

Elisa Gurine ^A var ved [FT1875](#) «**Tyende**» (Butikjomfru i Papirhandel) hjå **bokbindar** og papirhandlar **Otto Nevermand Michelsen** og kona **Gertrude Mette**. – **Elisa Gurine** ^A gifta seg i Nykirken [17/4-1879\[#21\]](#) med enkemand, Smedemester **Oluf Christian Valerius Holm**, son til handels-, seinare toldbetjent **Sivert Holm** og **Johanne Helene Holm** f **Olsen** busett i 1.Rode Nr51, f 5/6-, dpt [Korskirken 29/6-1845\[#70\]](#), konfirmert i Korskirken [15/4-1860\[#27\]](#). Familien budde ved [FT1865](#) i Rode 2-30a. **Oluf Christian** var i fyrste ekteskap gift med **Anna Johndine**, dei budde ved [FT1875](#) i Rode 23-7c. I dette ekteskapet hadde han døtrene **Johanna Helene** og **Sara Christine** samt sonen **Oluf Christian Valerius**.

[FT1885](#) syner at **Elisa Gurine** ^A og **Oluf Christian** då budde i [Østre Skostrædet 6](#). Her er husfaren skriven «*Snedkermester*». Dei har fått to døtre, **Serianna** ^{A1} f 20/2, dpt [Mariakirken 29/3-1880\[#8\]](#). Mormora, madam **Serianna Evensen** var fadder saman med jfr **Fredrikke Holm**, **Ole Anfindsen**, **E Evensen** og **Oluf Holm**. Det neste barnet vert kalla opp etter den avdøde ektemaken frå fyrste ekteskapet til **Snedker-mesteren**; **Anna Johndine** ^{A2}. Ho var f 2/4-, dpt [Mariakirken 21/5-1882\[#14\]](#). **Serianna** vart konfirmert i [Domkirken 11/10-1896\[#2\]](#) medan **Anna Johndine** ^{A2} vart konfirmert i [Domkirken 1/10-1899\[#3\]](#).

Serianna ^{A1} og **Anna Johndine** ^{A2} budde ved [FT1900](#) saman med faren, som då var enkemann, halvsysstrene **Johanne** og **Sara** i [Domkirkegaden 5](#). **Serianna** ^{A1} var då *Lærerinde* i folkeskulen, **Anna Johndine** ^{A2} var «*Lærerinde(Privatundervisn.)*» – [FT1910](#) syner sysken/halvsyskenflokken hald saman. Dei bur no i **C Sundtsgate 9,11** i Bergen kjøpstad, båe systrene var då folkeskulelærarinner.

Edvard Olai ^B finn vi som brudgom i Nykirken [29/11-1885\[#69\]](#),han gifta seg då med **Gjertrud Georgine Clausen**, dotter til *skibsfører* **Haldor Clausen** og **Karen Christine Jørgensen**. Ho var fødd 21/2- i Rode 1-41, dpt Nykirken [1/6-1857\[#41\]](#), konf Nykirken [12/4-1874\[#4\]](#). - Ektefolka budde ved [FT1885](#) i **Nagellgaden 1**. Folketeljaren var truleg litt dauhøyrd, og trudde kona heitte **Gina**.

Gjertrud og **Edvard Olai** ^B vart foreldre til to døtre; **Karen** ^{B1} f 1/11-1887 i Rode 1-41, dpt i Nykirken [21/5-1888\[#46\]](#), konf Nykirken [4/10-1903\[#51\]](#). Familien budde ved [FT1891](#) i **Nagelgården 1**. **Edvard Olai** ^B vart skriven «*Agent*» då minstejenta **Gerda** ^{B2} var f i [Nagellgaarden 1](#) 16/4-, døypt i Nykirken [15/5-1892\[#43\]](#).

Så finn vi **Edvard Olai** ^B i «Emigrantlista» frå Bergen [20/6-1893](#). Han vart då skriven «*gift handelsmand*» or er utreist med [Thingvallalina](#). Eg undrast på om han ved [Census1900](#) er leigebuar hjå Ingeborg og Louis Bell i Minneapolis.

[FT1900](#) syner at **Gerda** ^{B2} då budde hjå farmor **Serianna Evensen** og farsyster **Sara** ^C **Evensen** i Granesmuget 10 i Bergen.

Framme ved [FT1910](#) finn vi framleis **Sara** ^C **Evensen**, no *Bestyrerinde*, i Granesmuget 10. Her finn vi og båe jentene ho er farsyster til på same adresse. **Karen** ^{B1} er *Folkeskole Lærerinde* og **Gerda** ^{B2} er *Skolepige fors.(ørget av?) Syerske nr 1*.

Eivind Eivindson (Skomagermest. Even Evensen) budde i Granesmuget 10 då han døydde [13/1-1897](#) ^[#13]. Rubrikk for «*Opgiven Dødsaatsag*» seier «[Blæresten](#)». Gravferda var ved Nykirken, Bergen 19/1 s.å.

DISgravminner syner at **Anna Johndine** ^{A2} døydde [18/4-1940](#). Ho kviler på [Solheim kirkegård](#). Her finn vi og systera **Serianna** ^{A1}. Ho har etternamn [Gridset](#). For meg ser det ut som ho vart gift med **Peder Gridset**, son til Ole Erikson [Grisæt](#) og Kristianna Pedersdtr Samset. **Peder** var f på [Griset](#) i Innfjorden, Voll sokn, Eid prgj. (i dag Rauma kommune) 6/1-, dpt [Voll kyrkje 17/2-1878](#) ^[#4], konf Voll [25/9-1892](#) ^[#10]. **Serianna** og **Peder** er tekne med på [side 446](#) i «*Norske Skulefolk*» utg.1934, men her vert berre fortalt kva skule dei hadde arbeid ved. Dei budde ved [kommunal teljing i 1922](#) i [Løbergsveien 63c](#). **Peder** døydde [1/1-1963](#), gravl5/1 s.å; **Serianna** døydde [4/2-1964](#), gravl 10/2 s.å. Som før nemnt er dei gravlagde på Solheim kirkegård.

Førenamnet Serianna

Sitatet nedanfor er henta frå [side 86](#) hjå Ivar Aasen; Norsk Navnebog

«Blant de længere Kvindenavn er det ellers nogle, som rimeligvis maa ansees som S sammensætning af to Navne, saasom Aaselena, Gretelena, Martelena og Anelena eller Annelena. Hertil høre vel nogle med Formen «ana», som Britana, Dordiana, Eliana, Mildriana, *Siriana*, - thi denne Form kan tildeels være det same som navnet Anna, som også hedder Anne og Ane. Og det findes da også, fornemmelig i Trondhjems Stift, flere Navne, som slutte med «anna», saasom: Britanna, Karianna, Brynilanna, Gjertruanna, Gurianna, Ingeranna, *Sirianna*, Elenanna, Karianna, Kirstenanna of Kirstianna. Skjønt disse Navne ikkje just høre til de Slemmeste, faa de dog ved S sammensetningen en fremmed Klang, og naar Navnets første Deel er noget afstumpet, er der ikkje Leilighed til at rette derpaa, uden at begge Dele sættes særskilt, f. Ex. Gudrun Anna, Sigrid Anna o.s.v.»

Frå folketelningane 1801, 1865 og 1910 finn eg namnet Serianna nytta i desse områda

	1801	1865	1910
Møre or Romsdal	5	43	148
Sør Trøndelag	1	55	27
Nord Trøndelag	14	198	91
Nordland	12	6	3
Troms	1	6	3
Finnmark		2	2
"Austlandet "	0	0	5
Agder/Rogaland	0	0	2
Hordaland/Bergen	0	0	3
Sogn og Fjordane	0	0	0

I stor grad er det i område med trøndsk målføre vi finn dette førenamnet – men med ein lekkasje sørvestover i «[Fogderifylket](#)» Møre og Romsdal. Jenta frå Verdalen var frå kjerneområdet!

Læregut i skomakarfaget – sidan Tømmermand enda yrkeslivet som «off. Renovationsarbeider»

Tre ekteskap fekk han og med seg

Ungkl **Ove Ingvaldsen Bø** fekk frå Vang prgj. [5/8-1865](#)^[#31] utferda utflyttingsattest med reisemål Bergen. Han var son til [Ingvar Pederson](#) og [Randi Olsdotter](#), f ([Bø](#))[Flaten](#) 29/9-, dpt i [Vang krk.](#), [27/10-1844](#)^[#65], konf Vang [26/7-1859](#)^[#5b].

Ved [FT1865](#) var han på plass i Rode 5-127c i Bergen kjøpstad, som *skomagervend* hjå sambygding og skomakarmeister [Eivind Eivindson Bø](#), omtala i førre stubb.

Ove er skriven «*Tømmermand ved Værftet*» ved [FT1875](#) syner at bustad no er i Rode 5-172. **Ove** var då gift med **Berentine**, dotter til [Isak Isaksen øvre Flygandsvær](#) og [Anne Jensdtr. Berentine](#) var fødd 27/9-, dpt [3/11-1844](#)^[#100], konf [Opedals\(Uggdal\)](#) sokn [30/9-1860](#)^[#33]. Ved [FT1865](#) var ho tenestjente hjå familien Wiberg i Rode 5-12 i Bergen kjøpstad.

Berentine og **Ove** vart foreldre til dottera **Randine** ^A f [Fødselstiftelsen](#) 25/11-, dpt [2/12-1867](#)^[#156]. Foreldra var ikkje gifte då dottera vart døypt. Sonen **Ingvald** ^B vart iflg [FT1875](#) fødd i 1870, utan at eg har funne han i kyrkjebøkene. Dottera **Inga Ovedia** ^C f Rode 5-172 7/4-, dpt [Nykirken 17/5-1875](#)^[#64]. **Berentine** ^D kom til verda i Rode 5-172 9/9-, dpt [Nykirken 21/9-1879](#)^[#106]. Ved denne fødslen laut ein sanne at «*sorgen og gleden de vandre tilhobe*»; ministerielboka fortel at mora «*Døde paa Barselseng 4 timer efter fødslen*». Læge Hagelsten er og nemnd – samt at buet vart handsama i [Skifteræt](#) 10/9-1879. **Berentine Isaksdtr** vart gravlagd ved [Nykirken 13/9-1879](#)^[#72].

[FT1885](#) syner at **Randine** ^A Ingvaldsen f 1867 var tenestjente hjå fotografen [Hans Jørgen Nicolaysen](#) i Munkebæksmuget 14.

Enkjemann **Ove Ingvaldsen** gifta seg oppatt [26/10-1883](#)^[#65] i [Nykirken](#). Denne gongen var brura **Elisabeth Olina Paulsdtr**, f 26/7- i [Sjo](#), dpt [Eid kyrkje, Fjelberg prgj.](#), konf [Eid krk. 9/10-1883](#)^[#7]. Ho var dotter til [Paul Gabrielsen Sjo](#) og [Elisabet Torkelsdtr.](#) [FT1865](#) syner henne saman med mora og to eldre brør på Beito i [Eid sokn, Fjelberg](#).

Det ser ut til at ektefolka fekk fire born. **Petra Berentine** ^E f Rode 5-172 16/5-, dpt [Nykirken 8/6-1884](#)^[#62]. **Marte Elisa** ^G f 4/9-, dpt [Nykirken 15/11-1885](#)^[#153], konf [Nykirken 14/4-1901](#)^[#28]. Tredje jenta var **Gerda Olava** ^H f [Tydskesmug 34 10/3-](#), dpt [Nykirken 12/5-1889](#)^[#61], konf [Nykirken 9/4-1905](#)^[#53]. Veslebror til jentene vart **Paul Andreas** ^I f 11/4-, dpt [Nykirken 14/6-1891](#)^[#87]. Faren er skriven «*Tømmermand*» ded dåp av jentene, men «*Skibstømmermand*» då **Paul Andreas** vart døypt. - Familien budde i [Tydskesmuget 34](#) ved [FT1891](#)^[#041-046], då vart **Ove** skriven «*Renovasjonsbetjent*».

Elisabeth Ingvaldsen Flaten f [Paulsen](#) døydd i [Tyskesmug 34 14/8-1894](#)^[#69], gravferd 20/8 s.å. frå [Nykirken](#). Dødsårsak vart notert til «*Tuberculosis*».


Det ser ut til at ei yngre syster til den avdøde kona har kome til Bergen for å hjelpa **Ove Ingvaldsen. Gurine Paulsdtr** var fødd på [Sjo](#) i [Fjelberg](#) 9/9-, dpt [2/10-1853](#)^[#130], konf [Fjelberg krk. 17/11-1867](#)^[#31]. - Så startar Vangsgjeldingen på det tredje ekteskapet sitt. [28/1-1900](#)^[#4] vart giftarmålet gjennomført, i [Nykirken](#). **Ove** var då nemnd *Værftstømmermand*. Familien budde ved [FT1900](#) i [Muralmending vestre 17](#) i Bergen. Yrket **Ove** oppgav i teljinga var «*Offentlig Renovasjonsarbeider*»

Iflg. [FT1910](#) vart **Ove Ingvaldsen** og **Gurine** 26/12-1905 foreldre til ein gut som fekk namnet **Gerhard** ^M. Det er gjerne han vi finn i «*Valgmanntall 1934* for kommunevalg i Bergen», busett i [Lyder Sagens Gate 8](#). [FT1910](#) fortel at **Ove** då var «*Renovasjonsarbeider*». - Frå 1910-teljinga ser vi og at **Gerda Olava** ^H var ekspeditrise og **Paul Andreas** ^I var Smedlærning.

Eg har og mistanke om at [Inga Bratland](#) i [FT1910](#) er identisk med [Inga Ovedia](#) ^C. Oppkallinga til dottera **Berentine** (26/6-1901) aukar mistanken – og kommunal [FT1922](#) gjer mistanken nesten sterk nok til å fastslå slektskapet ! [Kyrkjeboka](#) for [Johanneskirken](#) syner at jenta **Berentine Olivia** ^{Cl} var fødd 27/6-, døypt [4/8-1901](#)^[#121]

Hjå [DISgravminner](#) finn ein at **Ole Bratland** døydd [15/11-1935](#), gravl 20/11 s.å., **Inga Bratland** døydd [17/4-1944](#). Båe kviler på [Solheim kirkegård](#).

Ove Ingvaldsen, gift, fhv *renovasjonsarbeider*, døydd [14/1-1922](#)^[#3] og vart gravlagd frå [Domkirken](#) 19/1 s.å.



Kjellarmeister hjá HANSA bryggeri



[FT1900](#) for Kalfarveien 78 i Bergen kjøpstad syner at «*Sidebygning, 2^{den} etasje*» er busett av [Kjældermester Anders Andersen Fosheim](#) med familie. Det er notert at **Anders** var fødd i «*Valders Krs.*» (Krs. står her for [Kristians Amt](#) – dvs Oppland fylke).

Anders (truleg nemnd **Andris** i heimbygda) var fødd på Føsseiseige 5/1-, dpt [5/2-1854](#)^[#4]. Sidan han og dei andre som vart døypte denne dagen, høyrer til i Røn sokn, var dei vel døypte i Røn kyrkje. «*Gardar og Slektar i Vestre Slidre*» [side 656](#) plassererer familien på husmannsplassen [Sørre Reina](#) (no [gnr. 70/11](#)). - **Anders** var son til husmannsfolka [Anders Guttormson](#) og [Ambjørg Olsdr.](#) [FT1865](#) plassererer **Anders** på Reina i Braute teljkrins i Røn sokn, Vestre Slidre prgj.saman med foreldra, ein eldre bror og ei yngre syster.

Han vart konfirmert [30/5-1869](#)^[#4]. Mykje tyder på at han då hadde lagt solid grunnlag for «*å skikka seg bra, får ein tru*». Når vi kjem fram til [FT1875](#) har **Anders** vorte «urban». Han var då «*Bryggeriarbeider*» med bustad i [Maridalsveien 31,35&37](#)

[19/4-1882](#)^[#27] vart **Anders** gift, i [Paulus krk.](#), Birkelunden i Kristiania. Jenta han [henta jaord](#) frå var **Sofie Arnesen**, dotter til husmannsfolka [Arne Arneson](#) og [Maren Svenningsdtr.](#) **Sofie** var fødd på [Raabek](#) i Brandval 25/9- dpt i Grue prgj. [7/11-1852](#)^[#280] og konfirmert i [Brandval krk.](#) [29/9-1867](#)^[#46]. **Sofie** budde ved [FT1865](#) saman med foreldra og seks sysken på Raabæk i [Brøderud](#) teljkrins i Brandval.

Eg finn desse borna med **Sofie** og **Anders** som foreldre: **Borghild Adela** f Thv Meyers gt 48 17/3-, dpt Paulus krk. [31/5-1885](#)^[#105], konf [Domkirken, Bergen](#) [30/9-1900](#)^[#25]. **Alvhilde Margrette** f Thv Meyers gt 48 16/6-, dpt Paulus krk. [26/12-1887](#)^[#280], konf Domkirken, Bergen [6/4-1902](#)^[#29]. **Aslak Marius** f [Markveien 31](#), Kraa 25/5-, dpt Paulus krk. [19/101890](#)^[#247], konf Domkirken, Bergen [22/4-1906](#)^[#29]. **Helge Guttorm** f Markvn 31 4/3-, dpt Paulus krk. [6/6-1892](#)^[#123], konf Domkirken, Bergen [6/10-1907](#)^[#57]. Ved denne dåpen vart **Anders** skriven *Kjeldermester*. – Ei dotter, **Alfrida Sofie**, er med i folketeljningane, men sidan ho er skriven fødd i 1879 samt at eg ikkje finn dåp registrert, har eg mest tru på at ho er uekte dotter til **Sofie Arnesen**. - At familien hadde tilhald i Thorvald Meyers gate set meg på tanken at **Anders Andersen Fosheim** var tilsett ved [Ringnes Bryggeri](#).

Familien var registrert busett ved [FT1885](#)^[#044-047] i [Maridalsveien 31/35/37](#) i Kristiania. Dei bur same stad ved [FT1891](#):(Teljkrins 220) - [Husliste](#)^[#14b], Personsedlar: [Anders](#), [Sofie](#), [AlfridaSofie](#), [AlvildeMagrete](#), [AslakMarius](#).

Familien har flytta til byen mellom dei sju fjell når vi kjem til [FT1900](#). Adressa deira var [Kalfarveien 76](#). **Anders Fosheim** var då kjellarmeister hjå [Hansa Bryggeri](#). – *Blodstyrting* vart skrive som dødsårsak då **Anders** døydde [19/9-1908](#)^[#46], gravferd ved Bergen Domkrk. 25/9 s.å. Bustadadressa vart då skrive Kalfarvei 84.

Sofie og borna har seinare reist attende til Kristiania. Vi finn dei i [Schleppegrells gate](#) 12 ved [FT1910](#). Etter dette vert dei sporlaust borte for meg



Vi lyt rekne med at han Anders hadde god greie på kvalitet av maltbygg

Frå Remme-eige til Bergen rett før 1850

Pigen Ragnild Olsdat Remmen, født i Wangs Præsteg, 25 ¼ aar, gifta seg i [Domkirken, Bergen](#) med Ungk og Skræddersvend Joachim Hagerup Helland, 21 ¼ aar, født i Domkirkens Sogn. Dato for vigsla var [28/5-1849](#)^[#18] og lysingsdagane er notert som 10^{de}, 17^{de} og 24^{de} December 1848.

Frå Ministerialbok nr. 3 for Vang prgj. finn vi at **Ragnhild** vart fødd på [Remme-eige](#) 16/6-, og døypt i [Vang krk.](#) [6/7-1823](#)^[#20]. Foreldra var husmannsfolka [Ola Jensson](#) og [Marit Jøgersdtr.](#) Faddrane kom frå Møsåker, Bø og Ellingbø samt «*skolelærer Niels Nielsen*». Eg finn korkje Ola Jensson eller Marit Jøgersdotter nemnde i bygdebøkene for Vang. – Eg finn heller ikkje **Ragnhild Olsdtr** konfirmert i Vang.

Joachim var son til [Jacob Helland](#) og [Elisabeth Sophia Moss](#). Han kom til verda i 10. [Rode](#) nr 18 i Bergen kjøpstad og var døypt i Domkirken [2/9-1827](#)^[#97]. Her finn vi han mellom konfirmantane [30/3-1845](#)^[#32]. Dei vert foreldre til: **Jakobine Randine** f Rode 18-78, 16/9-, dpt Domkirken [3/11-1850](#)^[#135], konf Domkirken [8/4-1866](#)^[#43]. **Johan Hagerup** f Rode 10-19, 22/7-, dpt [21/8-1853](#)^[#109], konf [19/4-1868](#)^[#64]. **Jacob Martin** f Rode 10-54, 19/6-, dpt [3/8-1856](#)^[#105], konf Domkirken [2/10-1870](#)^[#39]. Yngstemann vart **Henrik August Friedemann** f Rode 10-54, 30/1-, dpt Domkrk [15/3-1863](#)^[#41]. Familien budde ved [FT1865](#) i [Rode](#) 10 nr 66c. Dei budde same stad ti år etter, ved [FT1875](#).

Den einaste av borna eg har greidd å finne vidare er **Jacob Martin**. Han vart skriven *Styrmand* då han gifta seg i Domkirken [22/1-1882](#)^[#5]. Brura var **Karoline**(Line) **Margrete Andersen**. Ho var dotter til *Snedkersvend Mikal Andreas Arnesen* og *Else Marie Davidsdtr.* **Karoline** var fødd i 18 Rode nr 74 20/8-, dpt i Domkirken [20/9-1857](#)^[#126] og konfirmert i Domkirken [7/4-1872](#)^[#14].

Eg har kome over desse borna i kyrkjebøkene: **Birger Martin** f [Fødselstiftelsen](#) 15/10-, dpt [24/10-1886](#)^[#31], konf Domkirken [14/4-1901](#)^[#24]. - Faren var då *Kulhandler*. Dei neste borna er alle døypte og konfirmerte i Domkirken. **Alfred Andreas** f *Lungegaardsgaden 16*, 16/3-, dpt [22/4-1888](#)^[#42], konf [16/4-1903](#)^[#35]. **Astrid Emilie** f *Lungegaardsgaden 14*, 5/11-, dpt [26/12-1889](#)^[#162], konfirmert [1/10-1905](#)^[#29]. Faren var skriven *Rørlegger* då **Fridtjof Andreas** vart fødd, i *Lungegaardsgaden 18*, 11/12-1892, dpt [12/2-1893](#)^[#21], konf [9/10-1907](#)^[#22]. *Markvn 16* var adressa då **Harald** vart fødd, 21/1-, dpt [14/5-1894](#)^[#63]. **Oskar Johan** var f *Lungegaardsgaden 14*, 21/1-, dpt [25/51896](#)^[#73], konf [23/4-1911](#)^[#43]. Dei tre neste vart fødte i *Lungegaardsgaden 16*; **Lilly Jakoba** 1/7-1897, dpt [7/11-1897](#)^[#148], konf [1/12-1912](#)^[#44]. **Ragnhild Margrethe** f 21/5-, dpt [23/7-1899](#)^[#101]. **Jacob Martin** f 3/2-, dpt [20/9-1903](#)^[#106], konf [1/12-1918](#)^[#27].

Vi finn denne familien ved [FT1885](#) i Lungegaardsgaden 16, i [FT1891](#) i Lungegaardsgaden 14, Framme ved [FT1900](#) budde dei i søndre Nonnesætergade 3 og i [FT1910](#) var adressa Krohnsminde gnr. 9/24 i Årstad herad.

Joachim og **Olsdtr** finn vi i [FT1900](#) med bustad i Sandvigsvei ny 84, Bergen kjøpstad. *Gift skrædder Joachim Hagerup Helland* døydde på [Neevengården](#) [23/12-1902](#)^[utan nr], gravlagd frå Domkirken 2/1-1903. Dødsårsak er notert som *organ. hjertefeil*.

Ved [FT1910](#) var **Ragnhilde Helland** *Fattigforsøeget, stiftelseslem*, enkje og budde i ny Sandviksvei 84, Bergen (*Aldershjem*). Her døydde ho [11/3-1914](#)^[#11] og vart gravlagd frå [Sandviken kyrkje](#) 19/3 s.å.

[Findagrave.com](#) fortel at **Alfred Andrew Helland** døydde 20/9-1969 og vart gravlagd på [Fort Snelling National cemetery](#) i Minneapolis, MN.

Skild husmor **Karoline**(Line) **Margrete Helland** og borna **Oskar Johan**, **Lilly Jakoba**, **Ragnhild Margrethe**, **Nelly Amanda** og **Harald Emil** budde ved kommunal [FT1922](#) i [Bohrsgate 4](#). **Lilly Jakoba** gifta seg i Domkrk [20/9-1924](#) med chauffør [Sigvald Gunnerius Rognaldsen](#) f 1896.

Hjå DIS Gravminner finn eg ei **Ragnhild M Djupdræt** f 21/5-1899, same dato som «vår» **Ragnhild Helland**. Ho døydde [30/12-1993](#), gravl Solheim kirkegård 11/4-1994. Eit [spørsmål på Digitalarkivet](#) gav m.a. eit svar om at *fotograf Enok Djupdræt* gifta seg borgarleg [12/12-1935](#)^[#47] hjå sorenskrivaren i Midhordaland med butikdame **Ragnhild Margrethe Helland**. – **Enok** var fødd på [Skarderudrønningen](#) i Våler 28/3-, dpt Våler krk. [8/5-1892](#)^[#21], konf [6/10-1907](#)^[#30]. Sjå og [side 327](#) i «*De Norske jernbaner og deres personale*». [2] 1 : Norges jernbanepersonale : personalbiografier

[GENI har eit familietre](#) for Hellandfamilien, dette fylgjer **Astrid Emilie** framover 2 generasjonar. Hugs å vera kritisk med opplysningane du finn hjå GENI og MyHeritage. Sjekk mot primærkjelder!

Knut frå Tuv kom til Bergen - og fann seg ei Sunnfjordsjente

[8/3-1867](#)^[#1] fekk **Knud Endresen Tuff** utflyttingsattest frå Vestre Slidre; reisemål Hardanger. [Handskrifta](#) til [spr. Winsnes](#) er «personleg» og ikkje alltid like lett å lesa, av og til kan ein tru han har sett ein trostunge ned i blekkhuset og late han springe over papiret! - **Knud** var son til «*Gaardfolk*» **Endre Endreson** og **Kari Olsdr.** Han var f 25/7-, dpt [6/8-1843](#)^[#56] og konfirmert [29/5-1859](#)^[#34]. Han budde ved [FT1865](#) på [Førrestraae øvre/Ødegaarden](#) der han var tenestgut.

At han kom til Hardanger lyt vi rekne med, men neste gong eg finn **Knud** i kyrkjebøker er han brudgom i [Strusshamn kyrkje](#) på Askøy([kart](#)). Han vart skriven *Ungkarl, Formand* med bustad [Skiftesvig](#) under Strudshamn då han gifta seg [28/4-1872](#)^[#13] med *pige* **Karen Kristiansdtr.**

Karen/Kari var fødd i [ytre Holmedal](#) 20/8-, dpt [28/8-1842](#)^[#60], konf [18/10-1857](#)^[#21]. Foreldra hennar var tenar [Kristian Sørensen](#) og [Jannike Jansdtr.](#) Dei var ved [FT1865](#) husmannsfolk under Værket i Holmedal sokn. - **Kari** var då komen til Bergen, ho var ved [FT1865](#) tilsett som tenestjente hjå *handelsborger Wichne* i 8^{de}Rode Nr 11 i Bergen kjøpstad.

Ektefolka **Karen-** og **Knud Endresen** budde ved [FT1875](#) i 11. Rode nr. 59 i Bergen kjøpstad. Teljinga fortel at dei då hadde borna **Kristian** f 1869, **Endre** f 1873 og **Karl** f 1874. Husfar **Knud** var då *Arbeidsmand(Sjauer)*.

Knud vart skriven *Stenarb(eidar)* i samband med dødsfallet til **Kari (Karen Endresen)** [21/11-1884](#)^[#138]. **Kari** vart gravlagd frå Domkirken 27/11 s.å.

[FT1885](#) syner at *Arbeidsmand Knud Endresen* då budde i Langrækken 1 saman med sønene **Karl** f 1875, **Konrad** f 1877 og **Endre** f 1882. - **Knud Endreson** døydde [15/1-1889](#)^[#11] og vart gravlagd frå Domkirken 19/1 s.å.



Gullsmedsvein både i Kristiania og Bergen



Ministerialbok I2 for [Kampen krk](#) i Kristiania syner at *Guldsmedsv(end)* **Arne Andersen**, f 1854 i Nordre Aurdal, gifta seg [10/12-1882](#)^[#71] med **Danna Mathilde Nilsen** f 1861 i Fredrikstad. Dei hadde forlovarane Lars Larsen, Nordbygt 41 og Endre Andersen, Haveg 22(bror til brudgommen).

Arne var f på Røvlingseige 4/6-, dpt [Aurdal krk. 9/7-1854](#)^[#44], konf Aurdal [25/6-1868](#)^[#6]. Han var son til [Anders Endreson](#) og [Randi Arnesdtr.](#) Han vart registrert ved [FT1865](#) saman med foreldra og to yngre sysken; på *Dalene* i *Præstegaardens* teljekrins. Ti år etter er han komen til hovudstaden – [FT1875](#) syner at han var *Guldsmed*, logerende i Krogen 6, Kristiania kjøpstad.

Danna Mathilde var dotter til matros [Nils Nilsen](#) og [Anne C Nilsdtr.](#) f i Forstaden, Fredrikstad 28/3-, dpt Fredrikstad krk. [16/6-1861](#)^[#26], konf Fredrikstad [3/10-1875](#)^[#36]. Ho budde ved [FT1865](#) i Forstaden, gnr 164C i Fredrikstad, [FT1875](#) syner at ho gudde i [Asylgade](#) 303 saman med mora og to systre.

Danna og **Arne** vart registrerte i [Hurdalsgade 8, Kampen Menighed](#) ved [FT1885](#). **Arne** var *Guldsmedsvend* – og paret hadde fått dottera **Dagmar** i 1884.

Familien har flytta langt innan vi treffer dei att ved [FT1900](#). Adressa var då *Kong Oscars gade* 28 i Bergen kjøpstad. No var **Danna** enkje. **Arne Andersen**, *Guldsmedsvend, gift Mand*, døydde av [Tæring](#) i *Søndre Nonnesætergt 8* i Bergen [25/1-1898](#)^[#10], gravl 31/1 s.å - [FT1900](#) fortalde vidare at dei hadde desse borna, fødte i Kristiania: **Dagmar**(1883), **Halfdan** (1889), **Erik** f 1892, **Alfred**(1894) og **Daniel**(1896).

[FT1910](#) fortel at familien hadde flytta attende til Kristiania. Dei budde i Birkelundsgate 4, Paulus Menighed. Borna som bur saman med mora var då: **Dagmar Louise**(31/7-1884), **Halfdan Didrik**(21/10-1889), **Erik Reimert Johan**(12/2-1891) og **Solveig Marie**(4/3-1903).





Blokmagermesteren hadde kone frå Hørisbygden

[Bilete hjå Digitalmuseum](#)



Anne Endresdotter var fødd 6/1-, døypt i [Høre stavkyrkje 2/2-1834\[#10\]](#) og konfirmert [25/6-1848\[#27\]](#). Foreldra hennar var Gaardmand [Endre Wilhelmsen Helle](#) og [Kirsti Knudsdtr.](#) «*Gardar og slekter i Vang*», band C, [side 347](#) plasserer denne familien på [gnr 106/2 i Vang](#). - Ho **Anne** var den yngste i ungeflokken, ho hadde ein eldre bror, [Knut](#) som vart gift i Ulvik i [1866](#).

[26/2-1857\[#4\]](#) fekk **Anne** utflyttingsattest med reisemål Bergen. Ein lyt undrast om ho hedde reist før attesta vart datert/skriven, ho gifta seg i Askøy prgj. [23/8-1857\[#25\]](#) med [Blokmager Lambert Eriksen Lambertsen](#), busett på [Lille Damsgaard](#). - Han hadde nok lært faget av far sin, [Nikolai Chr. Lambertsen](#), som og var forlovar for ekteparet saman med [P H Hansen](#) frå [Strudshavn](#). **Lambert** var f i 21. Rode nr. 131 - 17/9/1830, døypt i Korskirken [29/9-1830\[#106\]](#) og konfirmert i Korskirken [7/4-1850\[#22\]](#). Mor hans heitte [Birgitte Johanne Pedersdtr.](#)


Borna var **Nicolai**  **Christian** f Lille Damsgaard 4/12-, dpt [Strusshamn krk. 26/12-1859\[#80\]](#), konf [Laksevåg krk. 23/5-1875\[#5\]](#). **Nicoline Margrethe** f Lille Damsgaard 22/8-, dpt [St. Jørgens Hospital \(Hospitalkirken, Askøy, Fjell prgj\) 21/9-1862\[u nr\]](#), konf Strusshamn krk. [5/8-1877\[#4\]](#). **Christine Birgitte** f Lille Damsgaard 22/2-, dpt Hospitalskirken [9/4-1865\[#42\]](#), konf Laksevåg krk. [4/4-1880\[#11\]](#). **Endre Wilhelm** f Lille Damsgaard 5/8-, dpt Strusshamn krk. [1/9-1867\[#60\]](#), konf Laksevåg krk. [16/4-1882\[#5\]](#). **Lambert**  f Lille Damsgaard 20/11-1869, dpt Hospitalskirken [23/1-1870\[2.ovanfrå\]](#), konf Laksenåg krk. [12/4-1885\[#11\]](#). - **Anne** og **Lambert** budde ved [FT1865](#) på Lille Damsgaard, lno 307a, Askøy sokn.


Blokkmakarmeister **Lambert Lambertsen** døydde på Lille Damsgaard [3/5-1872\[#24\]](#). Han vart gravlagd frå Strusshamn kyrkje 9/5 s.å. Alder vart i Ministerialboka skrive 39 ³/₄ Aar.

Ho **Anne** gifta seg oppatt to år seinare, i Strusshamn krk., [2/6-1874\[#10\]](#) ([Lnk2\[#11\]](#)) med *Blokmager* **Karl Johan Mathiasen**. Eg går ut frå at han var ein kjenning av fyrste ektemannen til **Anne**. **Karl Johan** var fødd i Bergen 1/2-, dpt i Korskirken (skotårsdagen) [29/2-1852\[#27\]](#), konf Strusshamn [7/10-1866\[#8\]](#). Han var son til *Tømmermand* [Mathias Jacobsen Unnelsnd](#) og [Inger Johannesdtr.](#)

Borna i dette ekteskapet var alle fødte på Lille Damsgaard: **Alfred Joakim** f 27/8-, dpt Korskirken [13/9-1874\[u nr\]](#), **Inga Mathilde** f 30/10-, dpt Laksevåg krk [26/12-1876\[#41\]](#), konf Laksevåg [24/4-1892\[#15\]](#). **Valborg Birgitte** f 31/1-, dpt Laksevåg [29/3-1880\[#9\]](#).

Familien budde ved [FT1875](#) på Lille Damsgaard, lno 307bb, Askøen prgj. [FT1900](#) fortel at dei budde i [Sydnæsgaten 11](#) i Bergen kjøpstad saman med dei tre borna. Her er og sonen **Lambert** frå fyrste ekteskap samt **Anna Lamberts Larsen**, dotter til **Nicoline Margrethe**(syster til **Lambert**)

Ved [FT1910](#) finn vi familien på same adresse, Sydnæsgate 11. Dei tre borna bur framleis saman med foreldra, attåt dette bur pleiesonen **Johan Meyer Lambertsen** i husstanden. Han var son til *Tømmermann* **Lambert**  **Lambertsen** og **Dorthea Jandine** f Meyer, f Sydnæssmuget 12 9/11-, dpt Fødselstiftelsen [18/11-1901\[u nr\]](#). - [FT1922](#) for Bergen syner same familie i Sydnæsgaten 11. Då var **Anna Endresdtr** enkje.

Nicolai  **Christian** budde ved [FT1900](#) på Fagerhaug gnr 50/12 i Askøy herad. Han var då gift med **Emma Amalie** f 1863 og dei hadde dottera **Anna Kristine** f i Bergen 22/9-1890. I [1910](#) er **Nicolai** enkjemann, han og **Anna Kristine** budde då i Nordre Laksevåg. **Nicolai** døydde iflg DISgravminner 8/12-1940 og vart lagt til kvile på [Nygård gravplass](#) 14/12 s.å.

Anna Endresdtr(*blokmakers enke*) døydde [14/7-1924\[#41\]](#), gravl. frå Johanneskrk. 18/7 s.å. – Dødsårsak var skrive «Arteriosclerosis»([Åreforkalking](#))

Deler af denne familien er medteke i ein [GENIprofil](#).



Læretid i Kristiania, seinare gullsmedmeister i Bergen og grunneigar i Aurdal



Henrik Henrikson var fødd på [Oppei](#) (*Oppen*) i Aurdal hovudsokn 31/7- og døypt i [Aurdal krk.](#) [4/9-1853](#)^[#39], konfirmert Aurdal [23/5-1869](#)^[#2]. Han var son til [Henrik Henrikson](#) frå [Måno](#) ([24/9-1823](#) - [7/2-1895](#)) og [Mathea Nilsdtr](#) ([30/11-1832](#) - [16/8-1907](#)). [Panterregister nr 5.7a for [Oppeim m Skjenangen](#)]. **Henrik** vart ved [FT1865](#) registrert saman med foreldra og tre yngre sysken på Oppen og Bjørnestøllien lno 257a&b i Nord-Aurdal. [FT1875](#) (skanna) syner familien på Oppen, nordre lno 257a,b, men her er **Henrik** ikkje med. Han figurerer i den [transkriberte lista](#) som *Henrik Henriksdatter, i Guldsmedlære, Fraværende*. I [FT1875](#) for Kristiania finn vi **Henrik Oppen**, f 1853 i *Nordre Aurdal*, som *Læredreng*, busett i [Øvre Slotsgade 12b](#). Han budde ved [FT1885](#) i [Bernt Ankersgade 9](#) og var då *Guldsmedsvend*.

Lat meg ta med at **Henrik** var storebror til [fotograf Inger Opheim](#).

Ein epost frå etterslekt til **Henrik** fortel at han starta 4-årig gullsmedutdanning hjå [Thune](#) i Kristiania i november 1872. Han enda utdanninga hjå [David Andersen](#) – der han avanserte til «[verksmester](#)». Han var frå 1879 på eit 4-årig utanlandsopphald. Han starta i september 1889 eigen forretning øvst i Karl Johansgt, Kristiania. Verksemda vart flytta til Bergen i april 1891.

Det ser ikkje ut til at **Henrik** er komen til Bergen ved FT1891, men [12/11-1896](#)^[#50] finn vi at **Henrik Opheim**, *Guldsmedmester* frå *Nordre Aurdal, Valdres*, gifta seg med **Henrikke Marie Rasmussen**, busett i *Domkirkens Sogn*. Ho var dotter til *Hattemagermester Nils Kornelius Rasmussen* og *Johanne Kristine Jahnsen*. **Henrikke** var fødd 1/11-, dpt i [Nykirken 29/11-1868](#)^[#122]. Familien budde då i Rode 8 nr. 22. – den [30/9-1883](#)^[#17] vart **Henrikke** konfirmert i [Domkirken](#).

Henrikke Marie og **Henrik** var foreldre til: **Henrik** ^A f [Fløigaden 9](#) 30/8-, dpt [Korskirken 26/9-1897](#)^[#120], konf Domkirken [3/5-1914](#)^[#8]. **Magne** ^B vart og fødd i [Fløigaden 9](#) 10/10-, dpt Korskirken [20/11-1898](#)^[#156], konfirmert Domkirken [3/5-1914](#)^[#6]. **Sigfrid** ^C fødd i [Welhavensgade 6](#) 6/2-, dpt Johanneskrk [8/4-1900](#)^[#39], konf Johanneskrk [3/5/1914](#)^[#6]. **Dagvin** ^D f [Welhavensgade 1c](#) 17/12-1902, dpt Johanneskrk [22/2-1903](#)^[#22], konf Domkirken [12/5-1919](#)^[#14]. **Gudny** ^E fødd i [Welhavensgade 1c](#) 18/8-, dpt i Johanneskrk [9/10-1904](#)^[#148], konf Domkirken [9/5/1920](#)^[#6]. **Ragnar** ^H f 25/5-, dpt Johanneskrk [28/6-1908](#)^[#86], konf Domkirken [7/12-1924](#)^[#13].

Ved [FT1900](#) budde familien i [Welhavensgade 6](#), Dei hadde flytta [til Kalfarliien 12](#) innan [FT1910](#). **Henrikke Marie** døydde [6/3-1921](#)^[#11], gravferd frå Domkirken 11/3 s.å. – gravlagd på [Møllendal kirkegård](#) ([DISgravminner](#)). - Gullsmedmeister **Henrik Opheim** og borna finn vi ved kommunal [FT1922](#) i [Kalfarliien 12](#) saman med tenestjenta Olga Kvalsund frå Herøy. I [1934](#) budde han framleis i [Kalfarliien 12](#). Her budde og sonen **Henrik** ^A, dottera **Gudny** ^E, sonen **Ragnar** ^H og dottera **Sigfrid** ^C og ektemannen hennar, **Asbjørn Høisæther**.

DISgravminner syner at **Henrik Opheim** døydde i [1936](#) og kviler på Møllendal kirkegård. Det ser ut til at sonen, **Henrik H Opheim** ^A kviler under [same gravstein](#). - **Magne** ^B **Opheim** kviler under same gravstein som mor si. Han døydde [2/12-1987](#), medan mora **Henrikke Marie** døydde [6/3-1921](#), gravl Møllendal.

Sigfrid ^C gifta seg i Domkirken med lønningssjef i [AS Blikvalseverket](#) **Asbjørn Høisæther** [9/12-1932](#)^[#145]. Han var son til *bakermester Kristoffer R Høisæther* og *Elisabeth Ingeborg*, fødd i [Foswinkelsgade 53](#) 16/9-, dpt i Johanneskrk. [26/9-1897](#). Han budde ved [FT1900](#) i Markvei, store 33 og var [1/7-1908](#) innmeldt elev ved [Bergen Katedralskole](#). Både ved [FT1910](#) og ved teljing for Bergen [1922](#) finn vi **Asbjørn** busett i Strangehagen 12.

Hjå DISgravminner finn vi at **Asbjørn Høisæther** døydde [4/5-1960](#). **Sigrid Høisæther** døydde [8/2-2004](#), ho vart såleis godt og vel 104 år gamal! – Dei kviler på Møllendal kirkegård.



Blikvalseverket held til i [Sjøkrigsskoleveien 15](#) i Laksevåg

DISgravminner syner at **Dagvin D Opheim** døydde [10/12-1996](#), gravlagd [Storetveit](#) kyrkjegard. Under same gravstein kviler **Sigrid Opheim** f 10/2-1903. Eg vil tru dette er **Sigrid Toftegaard**, dotter til *Bygmester og trøelasthandler* **Knut Monsen Toftegaard** og kona **Martha**. Vi finn denne familien busette i [Nøstegaten 54](#) ved [FT1910](#). – **Sigrid Opheim** døydde [4/7-1990](#), gravl. 8/1-1991. Databasen «*Emigrantar over Bergen 1874-1930*» syner at *ug. Kontordame* **Sigrid Toftegaard** reiste med «[Amerikalinjen](#)» frå Bergen 22/4-1927 med reisemål Brooklyn N.Y.

Grunnboksbladet for Øvrebø, [gnr 91/15 i Nord-Aurdal](#) syner at syskena **Henrik A**, **Dagvin D**, **Ragnar H**, **Sigfrid C Høisæther** og **Gudny E Jansen** fekk skifteskjøte 5/1-1952. Etter to nye skjøter og ei heimelsoverføring fekk **Dagvin D Opheim** 15/8-1978 skjøte på 23/30 av eignedomen. Seinare eineeigar.

15.8.1978	Skjøte til Dagvin Opheim f. 17.12.1902 på 23/30 deler	
	av d.b. for kr. 34.500.-.	137 A.

Gudny E gifta seg i Domkirken [3/7-1937](#)[#83] ([Transkrib.](#)) med kontorfullmektig **John Adolf Jahnsen**, son til **Hjalmar Lyng Jahnsen** og **Signe Lüde**, f Peter Jepsens gt 11, dpt Domkirken [6/2-1905](#)[#22], konf Domkirken [5/12-1920](#)[#8].

John Adolf Jahnsen døydde iflg DISgravminner [17/6-1978](#), gravl 3/11 s.å. **Gudny E** døydde [8/2-1985](#), gravl 12/5 s.å. Dei kviler på [Eidsvåg kyrkjegard](#).

DISgravminner syner vidare at **Ragnar H Opheim** døydde [1/9-1993](#), gravl 4/10 s.å. Han deler gravstein med **Ragnhild J Opheim** f 7/2-1906, død [27/9-1982](#), gravl 21/10 s.å. Dei kviler på [Årstad](#) nye kyrkjegard. - Eg undrast på om **Ragnhild** var dotter til kyrkjesongar **Josef Steffenson Hammer** og **Torbjörg Magdalena Haldorsdtr**, f **Jortveit** 7/2-, dpt **Eide krk.** [4/3-1906](#)[#2], - **Josef** var ved [FT1900](#) elev ved [Stord Seminar](#). Han var f på [Hammaren](#) 15/8-, dpt i Gloppen prgj [14/6-1879](#)[#20].

Lat meg og nemne at **Henrik** og **Henrikke Opheim** er tekne med i ein [GENIprofil](#). Diverre har ein her *blanda saman* to Henrikar. - Anne Olsdtr Solbrekken var gift med Henrik Halvordson frå Uppei i Ulnes sokn; han vart seinare lærar i Stange på Hedemarken.

Henrik Opheim Gullsmed AS
Henrik Opheim Gullsmed AS er registrert med besøksadresse Strandg 19, 5013 Bergen. Bedriften ble stiftet i 1990 og er registrert som Aksjeselskap under virksomheten "Butikkhandel med gull- og solvarer". Du kan ta kontakt med Henrik Opheim Gullsmed AS på telefon 55311840 eller ved å sende en e-post.

Kontaktinformasjon for Henrik Opheim Gullsmed AS		Selskapsinformasjon	
Telefon :	55 31 18 40	Kontaktperson :	Svein Dagvin Opheim
Telefaks :	55 23 21 03	Selskapstype :	Aksjeselskap
Besøksadresse :	Strandg 19 5013 Bergen	Stiftelsesdato :	1990
Postadresse :	Strandg 19 5013 Bergen	Regnskap 2005 :	2547.000
Hjemmeside :		Fylke :	Hordaland
E-post :		Kommune :	Bergen

Feil eller manglende opplysninger?
Oppdater eller legg til her

Frå nettsida [finnalle.no](#)

BUTIKKETSSELG • GULLSMEDSUNNADID • GULLSMED OPHEIM STRANDKAIEN

Gullsmed Opheim Strandkaien
Strandkaien 6, 5013 Bergen

Vi er en tradisjonsrik gullsmedforretning som har et stort utvalg smykker i alle prisklasser og til alle anledninger. I tillegg har vi kanskje Bergens største solbestikkavdeling og bunadsavh til de aller fleste bunader. Vi har også et godt utvalg i gaver til alle. Vi har også innviert varer til reparasjon og vasking og mer.

Hos oss får du bunadsavh til de fleste av landets bunader.

Vi holder til i Strandkaien 6 i Bergens sentrum.

Butikken blir drevet av Torunn Opheim - Verkommen!

Kontaktinformasjon

Tlf: 55 31 08 07
E-post: h.ophe@finnalle.no
Følg oss på Facebook!

Åpningstider
Mandag - Fredag: 09.30 - 17.00
Torsdag: 09.30 - 19.00
Lørdag: 10.00 - 15.00

Frå nettsida [bergen-byguide](#) sjå gjerne «[mange vil ha tak i gullet ditt](#)»



Fotoarka til [Inger Opheim](#), syster til Henrik, var utforma med namn og adresse

Bakar i Bergen Industriarbeidar i Odda

Ministerialbok D4 for [Domkirken](#) i Bergen fortel at *Bagersvend* **Knud Gulliksen** f Vestre Slidre gifta seg [5/3-1899](#)^[#13] med *tjenestepige* **Ingeborg Halvardsen** f 1876 i Bergen.

Knud Gulliksen var fødd på [Feriseige](#) i Røn sokn, Vestre Slidre 20/12-1873 og døypt i [Røn kyrkje](#) [6/4-1874](#)^[#34]. Foreldra var inderstparet [Gullik Knudsen](#) og [Berit Olsdtr.](#) Faddrane kom frå [Køta](#), [Hamarsnes](#) og [Ødeiege](#). **Knud** var konfirmert i Vestre Slidre prgj, [2/6-1889](#)^[#6]. Han budde ved [FT1875](#) saman med foreldra og storebror [Ole](#) samt veslesyster [Marie](#) på *Kaata Haavdet* i Vestre Slidre. Han er nemnd på [side 673](#) i «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*».

Ingebjørg var dotter til handelsbetjent [Amund Halvardson](#) og [Britanna Hermansdtr.](#) f 28/5-1875 i Rode 9 nr 162d, døypt i [Nykirken](#) [30/1-1876](#)^[#16], konfirmert [Mariakirken](#) [5/10-1890](#)^[#16]. Vi finn henne ved [FT1885](#) i Skudevigens smalgang 3, i 24 Rode nr 124; saman med foreldra og tre yngre systre. [Søndre Klevesmug 10](#) var adressa til familien ved [FT1891](#).

Ingebjørg og **Knud** fekk borna **Knud** ^A f Haugesgt 21 19/5-, dpt Sandviken krk. [25/6-1899](#)^[#139]. konfirmert [Odda krk.](#) [5/4-1914](#)^[#6]. **Anna Bergitte** ^B f Rosenberggd 15 3/5-, dpt [Johanneskirken](#) [9/6-1901](#)^[#9], konf Odda kyrkje [2/4-1916](#)^[#21]. **Birger Gullik** ^C f Kronviken, Bergen 5/3-1903, dpt [Årstad krk.](#) [8/1-1905](#)^[#1], konf Odda krk. [14/4-1918](#)^[#11]. **Margit Hermana** ^D f Kronviken. Bergen 23/4-, dpt Årstad krk. [8/10-1905](#)^[#72], konf Odda krk. [12/10-1919](#)^[#44]. **Ragnar** ^E f [Kronstad](#) 20/5-, dpt Årstad [20/5-1911](#)^[#93]. - Familien budde ved [FT1900](#) i søndre Klevesmug 10 i Bergen kjøpstad, då vart Knud skriven *Bagersvend*. Ti år seinare er han framleis skriven *Bagersvend*, bustadsadressa i [FT1910](#) var *Mikal Iversens Minde* 10 i bydelen Årstad.

Innan våren 1914 har familien flytta til Odda. Det er påfallande få innflyttingar registrert i Ministerialbok nr. A1, berre fem innflyttarar i åra [1910-1918](#) ! Nettsida «[Norsk Vasskraft- og Industri-museum](#)» syner at «*rikeleg og lett tilgjengeleg vasskraft var ein føresetnad for etablering av kraftkrevjansje industri.*» Odda er 5. største kraftkommune i Noreg, så seier [SNL](#). Det var gjerne brukbar løn og «sikre» arbeidsplassar som fekk familien Hagen til å flytte til Odda. Folketalet i Ullensvang hadde ein stor auke mellom 1891 og 1900, det flatar ut ved FT1910. Kyrkjebøkene frå 1920-tal syner arbeidstitlar som «[Nitridarb.](#), [Carbidfabr.](#)arb., [Cyanamidfabr.](#)arb. og [Zinkarb.](#)»

År/Område	Røldal	Ullensvang	Samla
1875	922	5538	6460
1891	956	5446	6402
1900	784	7197	7981
1910	840	5582	6422

Sonen **Ole Trygve** ^E vart f i Odda 10/7-, dpt 10/8-1918.^[#66]. **Anna Bergitte** ^B finn vi som brur i Odda kyrkje [23/2-1929](#)^[#8]. Friaren, som no fekk det endelege ja-ordet, var smelteverksarbeidar **Torgils Halldorson Eide**, f [Eide](#) i Odda 16/12-1897, dpt i Odda krk [23/1-1898](#)^[#2]. konf Odda [6/10-1912](#)^[#7]. DISgravninner syner at **Torgils** døydde [4/5-1987](#), gravl 8/5 s.å. **Anna Bergitte** ^B døydde 12/2-1989, gravl 18/2 s.å. Dei kviler på [Berjaflot](#) kyrkjegard.

Birger Gullik ^C døydde iflg DISgravminner [20/12-1974](#). Han deler gravstein med **Gudrun**, f 5/4-1903, død [28/1-1977](#). Dei er og gravlagde på Berjaflot. (FT1910 har to Gudrun'er fødte 5/4-1903)

Margit Hermana ^D døydde [22/9-1983](#), gravl 28/9 s.å. **Hans J Instanes** kviler under same gravminne på Berjaflot. Han var fødd på Våle 29/11-1904, dpt [22/1-1905](#)^[#4] i Voss krk. Han var konfirmert [6/4-1919](#)^[#14] i Odda kyrkje. Foreldra var jernbanearbeidar [Johannes Instanes](#) og [Kari Eriksdtr.](#) Dei budde ved [FT1910](#) på Langbarakken, Lillebø, gnr 33/1 i Voss herad. **Hans** døydde [9/10-1966](#).

Ragnar ^E gifta seg i Odda krk. [18/12-1937](#)^[#49] med syerske **Margit Bjotveit**. Ho var dotter til snikkar [Lars Engelsen Bjotveit](#) og [Sigrid Andersdtr.](#) fødd på [Eide i Granvin](#) 11/3-, dpt i [Granvin krk.](#) [16/5-1910](#)^[#8]. [FT1910](#) syner at ho og foreldra budde på [Bjotveit indre](#), gnr. 130/1 i Ullensvang herad. Hjå DISgravminner finn ein at **Margit Hagen** døydde [23/12-1951](#), gravl Berjaflot. **Ragnar** ^E **Hagen** døydde [1/5-1982](#), gravl Berjaflot 7/5 s.å.

Ho kom frå Skrautvøl var innom i Eidfjord og i Åsane vart gift i Bergen – men døydde ho der ?

Ingrid Larsdtr var fødd 2/10-, dpt i [Skrautvål krk.](#) [12/10-1852\[#49\]](#), konf [10/7-1866\[#11\]](#). Ho var dotter til [Lars Larsson](#) og [Ingebor Larsdtr](#) – og skriven [Bondeli](#) i kyrkjeboka. [FT1865](#) plasserer henne, saman med foreldra og den eldre broren [Lars](#), på [Gilen Bondelid](#) lno 20a;21 i *Nordre Aurdal prgj.*



Gila – ortofoto frå [www.norgeskart.no](#)

[FT1875](#) syner at **Ingrid** då budde på [Melkeraaen](#) løpenr 204 i Åsane, [Hamre prgj.](#) Ho vart skriven som [midlertidig tilstades](#)(mt), *Spinderske, ugift* med fødestad *Slidre pr. Urdal S.* (Teljaren hadde truleg ikkje god kjennskap til «geografien» i Valdres. - Men lat oss sjå på det [skanna teljeskjemaet](#), line 11: Her finn vi **Inga Hansdtr**, *hendes datter f Salhus 1875 – forsørget af Moderen.* Klokkarboka for Hamre nr B2 syner at **Inga** var fødd «uægte» 25/10 og døypt i [Hamre krk.](#) [6/12-1874\[#93\]](#). Om foreldra er skrive: Pigen **Ingrid Larsdtr Bondelid** frå Nordre Aurdal i Valdres og af hende opgivet .. Landhandler **Hans Næsheim** (Eidfjord Hardanger)

Hans Torsteinson Næsheim var son til *Distriktslæge* [Torstein Pederson Næsheim](#) og [Ingebjørg Hansdtr](#), fødd på [Næsheim](#) 3/1-, dpt Voss prgj. [7/4-1853\[#61\]](#), konf [4/10-1868\[#1\]](#). [FT1875](#) plasserer han på [Ullestad](#) nedre, lno 100a i Voss prgj. [FT1900](#) syner **Hans** som *Hoteleier, Gaardbruger og Postaabner* i [Vik gnr 4/1,2,4 i Eidfjord herad](#), gift med [Brita](#) frå Ulvik.

[FT1885](#) syner at **Ingrid** då var tenestjente hjå læge [Uchermann](#) og vinhandlar [Voss](#), i [Strandgate 73](#) i Bergen. Dottara er ikkje nemnt. – **Ingrid** vart skriven *Kokkepige* ved [FT1891](#), ho var framleis i teneste hjå *Læge priv.prakt* [Albert Uchermann](#) og familien hans, busett på [Torvalmenning 14](#). Ho Ingrid var å finne på same adresse – og hjå same familie - også ved [FT1900](#).

Ingrid startar, i moden alder, ekteskap med enkjemann, skomakarmeister **Ludvig Larsen**. Dei gifta seg i Domkirken [11/5-1901\[#22\]](#) – med forlovarar *Bygmester* [Ingebrigt Dale](#) og *Musiker* [C L Nilsen](#).

22.	11. ^e Mai	2	1	Ludvig Larsen Ingrid Larsen	Skomakermester Sjenerkjøper Bergen	Berntvig A. Aurdal	1854 1851	1870 1866	Ladok A. Aurdal Bergen
-----	-------------------------	---	---	--------------------------------	--	-----------------------	--------------	--------------	------------------------------

Ludvig Larsen, son til *Gaardmand* [Lars Berthelsen](#) og [Johanne Nilsdtr](#), var fødd i [Eivindvik](#) 27/12-1854, dpt [7/1-1855\[#2\]](#), konf [25/9-1870\[#3\]](#). [FT1865](#) syner at han budde i [Underthun](#) lno 139 i Eivindvik prgj. Han var ved [FT1875](#) *Skomagersvend* og budde i Rode 5 nr.51a i Bergen kjøpstad. Han gifta seg [20/10-1878\[#94\]](#) i Domkirken med Berte Kristoffersdtr. Dei budde ved [FT1885](#) på Torvalmenningen 31. Han var enkjemann ved [FT1900](#), då budde han i [Stokkebæksmuget 17](#).

Han budde på same adresse ved [FT1910](#), då var han atter enkjemann. Han vart registrert som «*Stemmeberettiget*» ved kommuneval i Bergen [1934](#); då budde han i Kaigaten 25.

Eg har gått gjennom kyrkjebøkene for «Bergen fylke» 1901-1911, men eg har ikkje greidd å finne dødsfallet til **Ingrid Larsdotter**.

Foreldra til **Ingrid Larsdtr** er tekne med i ein [GENprofil](#), men der er berre greina til systera hennar, [Ingebjørg](#), ført vidare fram mot vår tid.

«Gift med ein svenske»

Marit (1886-), til *Bergen*, gift med ein svenske.

Sitatet ovanfor er skanna frå «*Gardar og slekter i Vang*» band B, [side 308](#). Ho **Marit** var dotter til **Gudbrand Tomasson** og **Ambjørg Anfinnsdotter**. Ho var fødd på Bø-eige(**Bøaf lato**) 1/12-1886 og døypt i Vang krk. [2/1-1887\[#1\]](#), konfirmert Vang [16/6-1901\[#30\]](#). [FT1891](#) syner at ho då budde saman med foreldra og syskena **Thomas**(1883), **Ole**(1884) og **Sigri**(1887) på Bøflaten i Vang hovudsokn. (**Husliste**). Ved [FT1900](#) budde familien i Gjæringen under gnr 71/1 i [Hæns garo](#).

Vi treffer **Mar(g)it Heen** frå *Wang* som tenestjente i Kristiania ved [FT1910](#). Ho var då «*enslig losjerende*» i 'Bakbygning' i [Helgesens gate 12](#) i Kristiania.

Om ho reiste med [Bergensbanen](#) seier kjeldene ikkje noko om, men sidan [banen](#) opna i 1909 var vel dette eit godt alternativ for å koma frå Kristiania til byen mellom dei sju fjell. ([Minutt for minutt](#)).

Vi finn *Butikdame* **Marit Heen**(skrive Margit) som brur i [Sandviken krk.](#)(Sandvikskirken) i Bergen [28/1-1917\[#7\]](#). Ho vart då gift med Sementstøper **Aksel Lindberg** f 1885 i Sverige. Han var son til *jernbanevagt* **Patrik Lindberg** og **Aksel** budde i ved bryllaupet i Øvregate 9 i Bergen. Han **Aksel** var såleis ein av dei mange svenskane som *gjorde nordmenn av seg* – i motsetnad til nordmenn som «*gjorde svenskar av seg*». **Mar(g)it** og **Aksel Lindberg** vart registrert i kommunal folketeljing for Bergen kjøpstad i [1922](#). Dei budde då i [Kronstad](#)veien 27.

Margit Lindberg døydde [30/11-1928\[#56\]](#), gravl frå Domkirken, Bergen 5/12 s.å. Bustad var då Ny [Sandviksvej 51](#). Merknadsfeltet fortel at ho døydde på «*Ørelinnikken*» i Olav Kyrresgt 57.

DIS gravminner syner at **Aksel Lindberg** døydde [31/7-1952](#), gravl. Solheim kirkegård 4/8 s.å.

- - - - -

Fyrst ein Visecorporal, så ein Gaardmand

[4. januar 1829\[#4\]](#), i [Vang stavkyrkje](#), fekk ei lita jente namnet **Marit**. Foreldra hennar var grdbr. **Anders Knudsen Øyene** og **Marthe Olsdtr.**, jenta var fødd i nærre [Øyo](#) 16/11-1828. Ho vart konfirmert i Vang prgj. [30/6-1843\[#22\]](#). **Marit** er nemnd i «*Gardar og slekter i Vang*» band B, øvst på [side 462](#).

Så har ho **Marit** sett kursen mor vest – og kome seg til Hansabyen Bergen. Ho vart gift i Korskirken [13/5-1849\[#8\]](#) med *Visecorporal* **Christian Uckermann Pettersen**. Han var *Nordfjording*, son til gjestgjevar **Even Pettersen** og **Elisabeth Uchermann**, f 24/6-, dpt Innvik [4/7-1830\[#592\]](#), konfirmert [Innvik 29/10-1843\[#32\]](#).

[FT1865 for Rode 11, nr 125&126](#) i Bergen kjøpstad syner *Sergeant* Christian Ueckerman Pettersen, *Kone og Huusmoder* **Marte Andersdatter** samt *logerende* **Aasta Knudsdatter Øiene** frå Vangs Præstegjeld i Valdres. **Aasta(Åste)** lyt vera halvsystemer til Anders, far hennar Marit, **Åste** vart døypt [16/3-1794\[Hside,øvt\]](#). Ho er ikkje teke med i bygdeboka(sjå [side 463](#)).

Neste gong eg treffer **Marit(Enke Marthe Pettersen)** i kyrkjeboka er då ho giftar seg oppatt med *Gaardmand*, ungur **Nils Andreas Paulsen** på Møhlenpris. Dei gifta seg i Domkirken [8/11-1868\[#76\]](#). Det vart då notert «*Enkens Bo ifølge Raadstueoverretten overdraget hende til fri Raadighed*». Eg har ikkje greidd å finne dødsfallet til **Christian** Pettersen. - **Nils Andreas** var son til **Paul Nilsen Møllenpris** og **Berte Karine Andersdtr.**, f [Møhlenpris](#) 5/7-, dpt Domkirken [17/7-1831\[#76\]](#), konf irmert Domkirken [11/4-1847\[#42\]](#).

Ektefolka budde ved [FT1875](#) på Møllenpris, [FT1891](#) syner dei med adresse [Møhlenprisbakken 6](#) i Bergen. - **Marthe Paulsen** f 1828-10-15 i *Vang i Valdres*, bustad Møhlenprisbakken 6, [døydde 26/4-1898\[#25\]](#), gravlagd frå Johanneskrk. 2/5 s.å. Dødsårsak var notert som *Pneumonia Erupposa*.

25 | 26^{de} | 2^{ten} |
april | Mai |
Marthe Paulsen. g. | Gaardbruger Nils Paulsen | 1828 | 10 | 15 | Vang i Valdres



Dykkaren frå Ulnes kyrkjesokn

Han hadde vel lært å svemja i Strøndafjorden
Han er einaste Valdris
nemnd med dette yrket i folketeljinga 1900



Husfolka [Synnøve Andersdtr](#) og [Ola Larson](#) vart 17/2- foreldre til ein gut. Han fekk i [Ulnes kyrkje 27/3-1859](#)^[#14] namnet **Tølleiv** (skrive *Tollef* i kyrkjeboka). Fødestad er skrive både [Rognaas](#) og [Granum](#). **Tølleiv** vart konfirmert i Ulnes [22/5-1873](#)^[#11], då vart han skriven «*Hugset*». Han budde ved [FT1875](#) på [Haugset](#) lno 134 i Nord-Aurdal saman med foreldra, fire systre og tre brør. Foreldra var då husmannsfolk, faren dreiv og som murar.

[FT1885](#) fortel at at **Tølleiv** har flytta seg vestom Hardangervidda, like til *Hansastaden* Bergen. Han var *Stenarbeider* og budde i [Forstandersmuget 11](#) i 22. Rode nr. 31. Teljaren har vore kreativ og gjeve førenamnet hans forma **Telef**. På same måten har **Tølleiv** vore kreativ – og fortalt teljaren at han var gift med kvinna i husstanden. – Og for at den vesle omgåinga av sanninga ikkje skulle vare for lenge, tek han og sambuar **Johanne Andersen** steget inn i ekteskap [18/7-1886](#)^[#34]. Dei gifta seg i [Korskirken](#) og hadde *Stenarbeider* [Sven Petersen](#) og *Malersv* [Ole Johannesen](#) som forlovarar.

Johanne var dotter til [Anders Gudmundsen](#) og [Sønneva Baardsdtr](#). Ho var fødd på [Handeland](#) i [Fjelberg prgj](#). 17/1-, dpt i [Eid kyrkje 28/1-1855](#)^[#12], skriven Handeland ved konfirmasjon [10/10-1869](#)^[#2]. Ho budde ved [FT1865](#) på Braate i Eid sokn saman med foreldra og fire eldre brør. [FT1875](#) plasserer ho på [Sætre under løpenr 22](#) i Fjelberg prgj. saman med foreldra or den yngre broren [Hans Olai](#). Ei tid etter har **Johanne** teke i veg til Bergen. Far hennar var i [FT1891](#) busett på Sætre gnr 12/3 i Fjelberg. Sidan Sætre ligg på Halsnøya – tek eg med [lekkje til Halsnøy kloster](#) ([Lokalhistoriewiki](#)).

Johanne og **Tølleiv** vert opphav dil desse borna: **Andreas** ^A f [Marksmuget 7 5/5-](#), dpt Domkirken [8/7-1888](#)^[#88]. **Olaf** ^B f [Kattesmugget 5](#), dpt [Mariakirken 7/12-1890](#)^[#60], konf [Sandviken 9/4-1905](#)^[#26]. **Thora** ^C f [Geble Pedersens](#) gt 36 22/4-, dpt Sandviken [2/7-1893](#)^[#101]. **Johan** ^D f [Edwardsensgate 26](#) 23/11-1895, dpt Sandviken [31/3-1896](#)^[#84]. Til sist kom tvillingane **Ludvig** ^E og **Agnes** ^F f [Geblesgade 33 3/7-](#) dpt Sandviken [28/8-1898](#)^[#153] og (Agnes) [28/8-1895](#)^[#155].

Familien budde ved [FT1891](#)^[#025-028] i [Østre Kattesmug 5](#) ([Nikolaismauet](#)). Her vart **Tølleiv** skriven «*Dykker*». Same yrkesnemning hadde han ved [FT1900](#). Han var «*Dykker ved Kaianlægget*» i Stavanger. Han er og registrert i Bergen i [FT1900](#). Eg greidde ikkje å finne familien i FT1910. Det synte seg at **Tølleiv** var død [8/6-1907](#)^[#42] under mindre trivelege omstende. Han vart gravlagd frå Sandviken krk. 14/6 s.å.

Borna vart bortsette hjå fleire familiar. Eg finn i [FT1910](#) **Johan** ^D som «*pleiesøn*» hjå [Anna](#) og [Ole Hopland](#) i [Geble Pedersensgate 38](#) medan **Agnes** ^F ved [same teljing](#) var «*pleiedatter*» hjå skomakar-svein [Karl N Juul](#) og kona [Emilie](#) som budde i [Moldesmugget 12](#). **Ludvig** ^E (Rognaas) var «*pleiebarn*» og på teljetidspunktet «*Patient*» i [Kalfarveien 33](#) ([Lungegaardshospitalet](#)). Det finst og ei **Thora Olsen** f 28/4-1893 som ved [FT1910](#) er *Tjenestepige* hjå *bagermester* Kristiansen og familie på [Milje](#) i Skånevik. Men eg gjev ingen garanti for at ho er «*vår*» Thora Olsdtr.

Ministerialbøkene for fødselar inneheld opplysningar om at **Andreas** ^A iflg skriv frå Justisdpt 22/8-1944 fekk lov å bruke **Rognås** som etternamn. **Olaf** ^B fekk frå Justisdept innvilga det same i brev datert 22/8-1947.

Desse opplysningane gjer at vi hjå DISgravminner finn at **Andreas** ^A **Rognås** døydde i 1969 og vart gravlagd på [Møllendal kyrkjegard](#). Han deler gravstein med [Gurid Rognås](#) (1888-1967) og [Judith Th. Rognås](#) (1918-1989).

Olaf ^B **Rognås** døydde 7/1-1976, gravl [Møllendal](#) ([Grønnevik](#)). Under same gravstein finn vi **Elida Rognås** (22/12-1899 – 14/11-1985). Eg vel å tru at dette er [Elida Lovise](#), dotter til møllarbeidar [Oluf Martin Knutsen](#) og kona [Helene Amalie](#), ved [FT1910](#) busett i Søndre Almenning 10.

Olaf. x Rognås *Skriver fra Justisdepau 22/8/47
Gitt bevilling til å
anta navnet Rognås
som etternavn

På neste side syner ein tabell kor mange som vart registrert med ordet «*Dykker*» i rubrikk «*Yrke*» i folketeljingane 1865, 1900 og 1910

Yrke «DYKKER» i FT1865, FT1900 og FT1910

Fylke / År	1885	1900	1910
Østfold		9	10
Akershus		1	2
Kraa.	1	6	3
Hedmark		0	0
Oppland		0	1
Buskerud		1	1
Vestfold		7	6
Telemark		3	19
Aust Agder		1	3
Vest Agder		11	24
Rogaland		12	18
Hordaland/Bergen		15	40
Sogn/Fjordane		2	1
Møre/Romsdal		16	20
S Trøndelag		9	9
N Trøndelag		1	2
Nordland		8	13
Troms		1	2
Finmark		2	4
	1	105	178

De kan finne fagartikkel om dykking m.a. i «[Store Norske Leksikon](#)» og hjå [Wikipedia](#)

Emigrantane tok tenkjepauser i Fana og Årstad

Pige Marit Kristensdotter og *ungkar/inderst Knut Tørjerson* gifta seg i Rogne krk. [21/7-1858](#)^[#11]. – Han **Knut** var fødd på [Tuv](#) 16/4-, dpt i Røn kyrkje 12/5-1831^[#50]. Foreldra var «[huusfolk](#)» [Anne Knutsdtr](#) og [Torger\(Tørjer\) Torgerson](#). Knut var konfirmert i Slidre prgj. [26/7-1846](#)^[#2]. – **Marit** var fødd i [Eikrun](#)(Køllstad) 15/8-, dpt i Rogne krk. [11/10-1835](#)^[#50], konfirmert Øystre Slidre prgj. [1/5-1851](#)^[#45]. Ho var dotter til *gaardfolk* [Kristen Anderson](#) og [Marit Olsd](#) Køllstad.

Marit og **Knut** fekk på Køllstad 19/6- ei dotter. Jenta fekk [24/7-1859](#)^[#52] namnet **Anne**. Tilliks med mor si var ho døypt i Rogne kyrkje. – Så slo «[Amerikafeber](#)» seg ned hjå foreldra. Familien fekk [15/6-1861](#)^[#13-15] utflyttingsattest med teisemål ‘America’.

Om lysta minka - på å ta den lange reisa over ‘Blåmyra’ veit eg ingenting om, men i FT1865 finn vi familien busett på *Udsigten* i [Årstad sokn](#), St Jørgens Hospital prgj. i Bergen. Sidan dei reiste frå «[perla mellom dalane](#)» har familien auka. Sonen **Thorvald Martin** var f på [Natland](#) 18/6-, dpt i [Birkeland krk](#). [19/8-1863](#)^[#76]. Faren var då «[Daglønner](#)». [1/5-1866](#) reiser dei frå Bergen med Quebec som reisemål.

Det er truleg denne familien vi finn att i [Ettrick](#), Trempeleau, Wisconsin ved [Census 1880](#)^[33-40]

«Mekanisk Arbeider Skibsværksted»

Gjartrud Amundsdtr og Anders Knutson på [Semle](#) i Hippisbygden hadde med ein liten gut til [Ulnes kyrkje 2. juledag 1843](#)^[#36]. Guten, fødd 9/12 s.å. fekk så namnet **Anders**(Andris). Frdrane kon frå Ringesåk, Rognaas(Rugnus), Hippe, Granei og Svenes. **Anders** vart konfirmert i Ulnes [18/7-1858](#)^[#5]. Han er nemnd i «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*» band C, side 433.

Nokre år seinare har han Anders teke ut på ei lang ferd vestover – mot hansastaden Bergen. Vi finn han ved [FT1865](#) busett på Viken i [Årstad](#) sokn, St Jørgens Hospital prgj. Han vart ved teljinga skriven «*Maskinarbeider*». Eg har ikkje funne han i teljinga 1875.

Anders budde ved [FT1885](#) i Sankt Hansstrædet 9 i Bergen kjøpstad. Han budde på same adresse ved [FT1891](#), då var han «*Mekanisk Arbeider Skibsværksted*». Når vi kjem til [FT1900](#) var adressa hans Munkebekksmuget 10, yrket var [Mekanikus](#) - og han var, som ved alle tidlegare teljingar, [ungkar](#)!

Mekaniker Anders Andersen f 1843 i Valdres – døydde [21/5-1909](#)^[#43]. Adresse var skriven Nilsvig 10 og i rubrikk «*Opgiven Dødsrsag*» står det «*Erysip*» (*Erysipelas?*) – Kråketærne i feltet «*Anmærkninger*» tyder vel at han var innlagt på Lungegården sjukehus. **Anders** vart gravlagd frå Nykirken 27/5-1909.

Skjærsliparmeisteren ifrå Beitoaugé

Då kan det vel høve å høyre [Skjærslipervise](#)

Er det ein «*ulykkelig Hændelse*» å nå høg alder – eller ligg det ein «*smitsom Sygdom*» bak?

Endre Knutson vert døypt i [Hegge stavkyrkje 17/1-1795](#)^[Vside,6.ovanfrå]. Faddrane kom frå [Grønolen](#), [Beitoe](#), [Lychen](#) og [Berge](#)(i Høre) Han var son til [Sigrí Knutsdtr](#) og [Knut Eivindson](#). «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» band A nemner [Knut Eivindson](#) både på [Beitomarken\(side61\)](#) og som husmann på [Beitohauge\(side60\)](#). Ved [FT1801](#) finn vi **Endre** saman med foreldra, dei eldre brørne [Eivind](#) og [Knut](#) og dei yngre systrene [Ingebjørg](#) og [Sigrí](#). [24/10-1813](#) var det konfirmasjonsgudsteneste ved [Lome stavkyrkje](#). Her vart *Endre Knudsen Beitho* innført som #18.

Fjorten år seinare treffer vi *Skjærslipermester Endre Knutson* som brudgom i [Nykirken](#) i Bergen. Han gifta seg [4/2-1827](#)^[#18] med *Enken Ingeborg Olsdtr Lichnæs*. Far hennar heitte [Ole Haagensen](#) og Ingeborg var fødd i Skudesnes prgj. Karmøy ikr 1786. Det vart notert at «*Han er født i Slidre Pgl, hun i Skudesnæs Pgl. De boe i N(y)kirke Sognet*». Forlovarar var *Ole Bøye* 3^{die} Rode nr 65 og *Amund Helland* 3^{die} Rode nr 5. **Ingeborg** hadde tidlegare vore gift med Nils Nilsen.

Så går det 24 år innan eg finn meir om han **Endre**. Då figurerer han atter som brudgom, også denne gongen har han funne seg ei enkje. Kanskje han hadde høyrte rimrispa: «*Ei ekkje er god å finne, ho har både kopp og kinne*». – *Kjøbmand, Enkemand Endre Knudsen* 56 ³/₄ aar, gifta seg i [Strusshamn krk.](#), på Askøy, Fjell prgj. med *Enken Else Dorothea Gørbitz* født **Bosse**. Ho var f ikr 1818 i Bergen og dotter til *Gjæstgiver Nicolai Bosse*, [Kongshavn](#).

Ved [FT1865](#) finn vi *Else Dorothea* og **Endre Knudsen** busette i 4^{de} Rode nr 86 i Bergen kjøpstad. Dei hadde då ei tenestjente; *Anne Gurine Hansdtr*.

Ministerialbok E3 for Nykirken syner at *handelsmand Endre Knudsen*, 78 aar gml. med bustad i 4^{de} Rode nr 86, døydde [20/2-1873](#)^[#23] og vart gravlagd frå Nykirken 25/2 s.å. klokka 12. – I rubrikken «*Om død af smitsom Sygdom, og da hvilken, eller ved ulykkelig Hændelse*» er det notert «*Alderdom*». Eg har ikkje rekna høg alder for å vera korkje smittsamt – eller ei ulukke, men eg har kanskje teke feil !

Norsk tekst:

Når Jacob Skjærsliper står i gården
Da vet all verden hva det betyr.
Nå kommer solen, nå kommer våren
med liv og varme til folk og dyr
Den slipestein som jeg drev og driver
gav mer enn brød til en fattig fyr
Å slipe sakser - å slipe kniver
har gjort mitt liv til et eventyr



[Skjærsliper-skulptur](#)

Foto: Amadeo Rolán 2004

Dansk tekst:

Nu lokker atter de lange veje
og jeg har flikket de gamle sko
og jeg har skåret en [grøn skalmeie](#)
ved piledammen i Holsterbro
Jeg går fra Skagen med kurs mod Faxø
og glemmer vinterens sult og nød
Jeg sliber kniver, jeg sliber Saxe
jeg sliber solskin og daglig brød

Frå Vang – via Sogndalsfjæren – til Bergen



[13/2-1820](#)^[#3] fekk eit lite jentebarn namnet **Anne** i [Vang stavkyrkje](#). Det er skrive i Ministerialbok nr. 4 at ho var fødd same dag(?). «*Ved Daaben blev udlagt til Barnefader Enkemand **Thron Aslacksen Ellingbøe**, der ikke er Militair. Dette uægte barns Moder er pigen **Thora Wilhelmsdr Ellingbøe** Eye. Bægges første Leyermaal.*»

Trond Aslagson var døypt [14/10-1787](#)^[Vside,6.nedanfrå]. Foreldra var [Aslag Bøe](#) og [Ingebjørg Østendsdr](#). Faddrar var *madame Stoud, Dorthe Tostensd Bøe, Pastor Borg, Lænsmand Esvold og klokkeren Tostensen* – det var då litt av ein flokk av «toppane» i lokalsamfunnet. **Trond** vart konfirmert i Vang stavkrk. [2^{den} Søndag efter Trinitatis](#) år 1800, 14 år gamal, iflg [Bauers kalender](#) var datoen [22/6-1800](#). Han er omtala på sidene 478 og 621 i «*Gardar og slekter i Vang*» band A.

Tora (Torø) var døypt i Høre stavkyrkje [25/11-1787](#)^[Hside,3.ovanfrå]. Ho var fødd på Vøvle i Høre, dotter til [Anne Tostensdr](#) og [Wilhelm Weflen](#). Hennar faddrar kom frå [Framstad](#), [Bunde](#), [Vøvle](#), [Tørstad](#) og [Kvål](#). Ho var konfirmert i [Høre stavkyrkje](#) år 1801 [2^{den} Søndag efter Trinitatis](#)^[Vside,Vspalte,15.ovanfrå]. Ho er omtala på [side 225](#) i «*Gardar og slekter i Vang*» band C.

Tora og enkjemannen **Trond** gjekk inn i ekteskap [30/6-1825](#)^[#8] i Vang stavkrk. Forlovarar var *Vilhelm Baggetun den yngre og Lensmand Ole Qvam*. I merknabsrubrikken er notert om ektefolka: «*bægge har havt [de naturlige Kopper](#)*».


Sonen **Aslag** vart fødd i [Baggetun](#) 7/10-, dpt 'hovedkirke' [14/10-1825](#)^[#29]. Dottera **Ingebjørg** vart fødd på [Kvåle](#) 6/1-, dpt [12/2-1831](#)^[#10] i V.H.K. (Vang HovedKirke) – **Anne Trondsdr** vart konfirmert i Høre stavkyrkje [11/10-1835](#)^[#19]. Ho vart då skriven *NordreboEiet*. Det er og notert at ho var koppevaksinert 18/11-1820.

Så har utferdstrangen slege ned i familien. Dei reiste hausten 1841 frå Vang – og busette seg i *Sogndahl* i Bergen ([s Stift](#)). Dei fekk utferda [utflyttingsattester frå Vang i 1843](#). Trond er ved fleire høve skriven [Aarvold](#). (No [del av Sogndal 'tettbygd'](#))

I Sogndal treffer **Anne Trondsdr** ein kar frå [Os prestegjeld](#), sør for Bergen. Han heitte **Rasmus Olson Lund**. Far hans er skriven Ole Olsen, Eg har ikkje greidd å finne meir om **Rasmus** innan han er komen til Sogndal. **Rasmus** og **Anne** gifta seg [12/7-1843](#)^[#24]. Forlovarar var far til brura og [Arne Olsen Fjæren](#). I rubrikk for «[naturlige kopper/vaccinerede](#)» er notert at brudgommen har attest datert 21/9-1828. Brura si attest er nemnd ovenfor.

Anne og **Rasmus** fekk dottera **Thora** (oppattkalling av mormor) f Sogndalsfjora 20/4-, dpt [11/5-1845](#)^[#62]. Ei ny dotter vart «julepresang», fødd på [Stedje](#) 24/12-1851, jenta fekk namnet **Anna** i [Stedje kyrkje](#) [1/1-1853](#)^[#1]. Foreldra vart skrivne 'Inderstar'. Same nemning hadde dei då sonen **Ole** vart døypt [11/5-1856](#)^[#33]. Guten var fødd på [Stedje](#) 23/4 s.å. Faddrane kom frå [Granden](#), [Stedje](#), [Fardal](#) og [Pladsen](#).

Neste gong eg finn att **Anne** og **Rasmus** har dei gjore Bergensarar av seg. Dei budde i 18de Rode nr 115 då dei 26/1- vart foreldre til ein gut. Han vart døypt i [Domkirken 8/5-1859\[#66\]](#) og fekk namnet **Theodor Wilhelm**.



Lysekloster – Postkort frå [Normann](#)

Thora Rasmusdtr vart konfirmert i Domkirken [2/10-1859\[#27\]](#). - Familien budde ved [FT1865](#) i 19^{de} Rode nr 50 i Bergen. **Rasmus** var då [gartner](#), fødestad vart skrive [Lysekloster](#) (i Os herad). **Anna Rasmusdatter** finn vi som konfirmert i [Korskirken 17/4-1868\[#27\]](#). **Ole Rasmussen** vart konfirmert i Korskirken [16/4/1871\[#14\]](#). **Theodor Vilhelm** vart konfirmert i Korskirken [5/10-1873\[#88\]](#), han vart då notert med adresse 19^{de} Rode nr 49.

[FT1875](#) syner familien busett i [19^{de} Rode nr 49](#). Ti år etter, ved [FT1885](#) hadde dei adresse [Sydnæskleven 18](#) (11^{te} Rode nr 217a). Ved [FT1891](#) finn vi framleis *Gartnermester* **Rasmus Lund**, **Anne Trondsdr** og dottera **Anna Rasmusdtr** i Sydnæsklæven 18.

Rasmus Olsen Lund, *gift gartner* - vart notert med adresse Sydnæskleven 18 då han døydde [6/11-1896\[#61\]](#). Han vart gravlagd frå [Johanneskyrkja 13/11](#) s.å. I rubrikk for «*Opgiven Dødsarsag*» var det notert [Debilitas senilis](#).

Enkje **Anna Lund** var og notert med bustad Sydnæskleven 18 då ho døydde [4/10-1897\[#80\]](#). Ho fekk «[Phthisis](#)» notert som dødsårsak. Gravferda var frå Johanneskyrkja 9/10 s.å.

Der er berre **Tora Rasmusdtr** eg har greidd å slå fylgje med vidare. Ho gifta seg i Domkirken [13/4-1868\[#14\]](#) med *Hjulmakarmeister* **Jan Henrik Endresen**, son til [Endre Nielsen](#) og [Christine Kofoed](#), f 21^{ste} Rode nr 75 og dpt i Korskirken [7/6-1839\[#83\]](#).

Desse ektefolka vart foreldre til: **Robert Emil** f 12^{te} Rode nr 65 2/8-, dpt Domkirken [11/9-1870\[#145\]](#). **Anne Marie** f 15de Rode nr 37 3/2-, dpt Domkirken [23/3-1873\[#42\]](#). **Hildur Josefa** f 18de Rode nr 90 20/2-, dpt Domkirken [7/4-1878\[#74\]](#), konf Johanneskyrkja [25/9-1892\[#48\]](#). **Teodor Olaf** f 18de Rode nr 90, 18/7-, dpt Domkirken [22/8-1880\[#165\]](#). **Tora Alvhilde** f 16/2-, dpt Årstad 22/4-1882, konf Johanneskyrkja [2/10-1898\[#87\]](#). **Ragna Emilie** f Jonas Reins gt 9 29/4-, dpt Johanneskyrkja [29/8-1886\[#73\]](#).

Familien budde ved [FT1875](#) i 19de Rode nr 49, [Jonas Reinsgade 9](#) var adresse både ved [FT1885](#) og [FT1891](#). [Vincent Lungesgade 16](#) var adresse ved [FT1900](#).

Frå [FT1910](#) finn vi at **Hildur Josefa** har gifta seg med skipsbyggjar **Andreas Andersen**. Eg går ut frå at han var fødd i 11te Rode nr 55 18/10-, dpt Domkirken [12/11-1876\[#238\]](#), konf Domkirken [24/4-1892\[#27\]](#). Han var son til *Arbejdsmand* [Peder Andersen](#) og [Erikke N Kristiansen](#). Denne familien finn vi i ein [GENIprofil](#).

Hildur of **Andreas** fekk borna **Henrik Theodor Kofod** f Ole Vigs gd 4 16/2-, dpt Johanneskrk. [26/4-1903\[#48\]](#). Han fekk løyve av Justisdept 27/3-1942 til å bruke **Infelt** som slektsnamn. **Viola Hildegard** f Lyder Sagens gd 5 16/5-, dpt Johanneskrk. [11/6-1904\[#137\]](#). **Thora Walborg** f Lyder Sagens gd 5 26/1-, dpt Johanneskrk. [14/4-1907\[#36\]](#).

Familien vi finn i [Sigurdsgate 32](#) ved [FT1910](#) for Bergen ser ut til å vera **Teodor Olaf Endresen** som har gifta seg med ei **Emma Eriksen** f 1885. Dette er truleg **Emma Nikola** f 22de Rode nr 61 16/4-dpt Korskirken [25/5-1885\[#53\]](#), dotter til [Erik Eriksen Nævdal](#) og [Malene Nilsen](#). Familien budde både ved [FT1891](#) og [FT1900](#) i [Sigurds Gade 32](#). **Emma** og **Teodor** gifta seg i Korskirken [17/12-1904\[#145\]](#). **Teodor Olaf** var då «*Elev i Brigademusikken*». Dottera **Violet Elvira** var fødd 4/5-, dpt [Korskirken 3/4-1905\[#69\]](#). Denne familien kan ein også finne i ein [GENIprofil](#). Hugs at alt du finn hjå GENI må jamførast mot primærkjelder !

Fødd i Vang, gift i Bergen, emigrerte til USA

[FT1865](#) for Vang prg.(Valdres) syner at **Dorthe Simensdtr** og sonen **Ole** budde i Bøabakken. **Dorthe** «*Tigger og arbeider*» (*Ora et labora* ...), same «yrke» har halvsystema **Marit Iversdtr**.

Ho **Dorthe** var fødd på Bøeige i Vang hovudsokn 29/12-1845, dpt i [Vang stavkrk. 23/2-1846\[#18\]](#), konfirmert [23/6-1861\[#22\]](#). Ho var dotter til **Simen Simenson Søyne** og **Anne Olsdtr Bøeige**. **Ole**, sonen til **Dorthe** var f 18/9-, dpt Vang krk. [15/10-1865\[#75\]](#). Far hans var ungd **Lars Olsen Aasen**.

Dorthe har så reist frå Vang – og kome til Bergen. Ho gifta seg i [Domkirken 8/5-1870\[#32\]](#) med *Enkemand, Handlende* **Anders Sørensen Ødegaard**. Han var son til **Søren Kristofferson** og **Marte Einarsdtr**, f 9/8-, dpt [16/8-1829\[#82\]](#), konf [Hafslo krk. 18/8-1844\[#22\]](#). Han budde ved [FT1865](#) i 23. Rode nr 60a i Bergen saman med fyrste kona si, Marie Arnesdtr og sonen Andreas.

Dorthe og **Anders** budde i 11te Rode nr 83e ved [FT1875](#). Omgrepet «*dine, mine og våre born*» kunne høve den gong som no. I denne teljinga vart **Anders** skriven «*Poteteshandler*», ei nemning ikkje mamge personar har fått i teljingane. Seinare kom Gartnerhallen

Eg leitte etter ektefolka i FT1885, men fann ingen som høvde. Eit Googlesøk tok meg inn på Brukarforum hjå Arkivverket, der bydgebokskrivar **Lars E Øyane** [har gjort god greie for kva som hende med Dorthe og Anders](#). **Anders Sørensen Ødegaard** f 1829 i Hafslo finn vi som passasjer med **Cunard Linien**. Han reiste [frå Bergen 20/8-1879](#). **Dorthe Ødegaard**, gift, f 1848 i Vang, bustad Bergen, reiste - som ektemannen, også med Cunard Linien - frå [Bergen 2/6-1880](#).

Frå garden Hedalen i Hegge sokn - i Øystre Slidre - til Sogndal To av ein barneflokk på fem finn vi seinare i Bergen

Gardar og slekter i Øystre Slidre, band A fortel på [side 140](#) at **Øystein Johannessen** selde bruket Haugadn (Matrikkel no. 97, Løpenr 209a). [Realregisterside 76](#) syner denne transaksjonen.

Øystein Johannesson, døypt i [Hegge krk. 13/10-1800\[Hside,3.ovanfrå\]](#), konf [Lome stavkrk. 27/7-1817\[#17\]](#), gifta seg [14/7-1822\[#19\]](#) med pigen **Sigrid Olsd Beitoe**. Ho var husmannsdotter, 24 år gamal.

Sigrid og **Øystein** fekk desse borna: **Endre** f 15/12-1822, dpt [1/1-1823\[#1\]](#), konfirmert «*af Personel Cappelan Christie*» i Rogne krk. [25/6-1837\[#9\]](#). **Anne** f 1/11-, dpt Hegge krk. [18/12-1825\[#3\]](#), konf Sogndal [1/8-1841\[#44\]](#). **Johannes** f 17/3-, dpt Hegge krk. [30/3-1828\[#26\]](#). **Ingebjørg** f 2/1-, dpt Slidre prgj. [6/2-1831\[#12\]](#), konf Sogndal [1/6-1845\[#52\]](#). **Ola** f 24/12-1833, dpt Hegge krk. [26/1-1834\[#8\]](#), konf [Stedje kyrkje 4/6-1848\[#13\]](#).

[19/9-1840\[#5&6\]](#) vart det er innført utflyttingsmeldingar for **Endre Østensen** Hedalen 17 år gamal og **Anne Østensdtr** Hedalen 14 år gamal, baa med reisemål *Sogndals Præstegjeld*.

Vi finn **Johannes Østensen Sjellestad** som brudgom, i Domkyrkja i Bergen, [4/11-1855\[#64\]](#). Han var «*fød i Slidre Prestegjeld*», brura var «*fød i Korskirkesognet*» parfolka hadde «*ophold i 11^{te} Rode nr 237*». Namnet Sjellestad hadde han vel plukka med seg frå [Sogndal\(Skjeldestad\)](#), Brura, **Anne Bertine Pedersdtr** var dotter til **Peder Monsen Garnes** og **Inger Rasmusdtr**. Ho var fødd i 18^{de} Rode nr 108 9/10-dpt i Korskirken [23/10-1831\[#77\]](#).

Om **Ingebjørg Østensdtr** møtte den komande ektemannen sin i Bergen, det fortel kyrkjebøkene ikkje noko om. Ho gifta seg [2/7-1865\[#43\]](#) i Domkyrkja, Bergen med *ungkarl, matros* **Peder Pedersen**. Han var fødd i Lærdal 18/10-, dpt [26/10-1828\[#139\]](#). Foreldra var **Peder Lasseson Leirdalsøren** og **Marta Helgesdtr**. Dei nygifte har opholdsted 11te Rode nr 237, nett som **Johannes/Anne Bertine** i førre avsnitt. Vi finn dei nygifte registrerte på same adresse ved [FT1865](#).

Sogn og Fjordane

(Nordre Bergenhus Amt)


http://no.wikipedia.org/wiki/Sogn_og_Fjordane

<http://framtidfylket.no/om-framtidsfylket/regionar-og-kommunar/>


Region	Indre Sogn	Ytre Sogn	Sunnfjord	Nordfjord
Kjelde				
FT1865	86	3	9	5
FT1900	32	3	2	7
FT1910	28	3	0	7
Innflytting	73	8	5	13
Giftarmål	67	9	5	4
Gravferder	28	4	3	4

Det er ikkje funne digitaliserte teljingar mellom 1865 og 1900

Denne bolken vil førebels berre ha med Nordfjord, Sunnfjord og ytre Sogn.



Valdrisar funne i ytre Sogn, Sunnfjord og Nordfjord



Knutane frå Skrautvølsbygden til Selje i Nordfjord (utan [Knutar](#) på tråden)

«Då skal nokre som er dei siste, bli dei første, og nokre som er dei første, bli dei siste.» Så står å lesa i [Lukas 13:30](#). Dette ser ut til å vera tilfellet med innførslene i kapitlet «*Indflyttede – ogsaa børn*» i ministerialboka for Selje prestegjeld. For året 1870 er **Knut Knudsen Berger** med hustru **Ragnilde Haldorsdatter** og børn **Berit Knudsdatter** (& **Marit Knudsdatter** innført, men i «Oppgaven Datum» står årstalet 1865. Familien kjem frå «Berger i Nordre Aurdal» og skal forpakte «[Selløe Præstegaard](#)». Dei har «*attest af hr Bjørn af 14^{de} april 1870*». At attesta ikkje er skriven tidlegare er truleg årsaka til at innførsla kjem fem år etter at dei kom til Selje.

Knut vart fødd på Bergjiseigun 9/9- 1829. Foreldra er *Knut Trondson* og *Berit Tordsdtr.* Han vert [døypt i Skrautvøl 11. oktober s.å.\[# 84\]](#) og [konfirmert 28. juni 1844\[# 10\]](#). Knut tek ein tur til Slidre fyrst i november 1854. Etter '[timeanddate](#)' er 3. november ein fredag – denne dagen er 2 giftarmål notert i ministerialboka for Vestre Slidre. Det [andre paret](#) [# 22] er «ungk:**Knud Knudsen**, 25 år» frå «*BergersEie*» og den eitt år yngre «*Pigen Ragnild Haldorsd, HamreEie*». Forlovarar er «*Ole Tronsen Rebne og Erik Olsen Fuske*». Det hitt ekteparet som vert gifte denne dagen er frå Røn sokn. Båe para har forlovarar frå Røn sokn. Kan vi tru at [Røn kyrkje](#) var staden det giftarmåla fann stad ? – **Ragnild** er dotter til *Haldor Johannesson* og *Marit Olsdotter*. Ho vart [fødd 19/3-1830 og døypt 11. april s.å.\[# 23\]](#). '[Cappellan Heyerdal](#)'^A konfirmerte henne i [Røn kyrkje 19. oktober 1845\[# 28\]](#).

Gjennom dei neste åtte åra finn eg at **Ragnild og Knut** døyper tre born i Skrautvål kyrkje. Dei er alle notert med fødestad «BergerEie». Eldstbarnet vert døypt **Berit** etter farmora. Ho er [fødd 25/10-1855 og døypt 18. november s.å.\[# 53\]](#). Så kjem D2:**Marit** som er [oppkalla](#) etter mormor si. Ho er [fødd 9./6-1859 og døypt 3. juli same år\[# 33\]](#). **Knut**, [f 30/5-1863, dpt 7. juni s.å \[# 31\]](#), får namn etter farfaren. Vesle Knut får inga langt liv, [8. mars 1864\[# 25\]](#) vert han gravlagt på Skrautvål kyrkjegard, dødsdato er notert til 25. februar.

[Kring nyttårskvelden 1865](#) er familien registrert på [prestegarden Hove](#) ved [folketeljinga i Selje\[# 016-020\]](#). Legg også merke på prestefamilien *Koren* [# 001-005] og kapellanen, *Anton Holst*^B [# 006], som seinare vart sokneprest i Vestre Slidre. - **Ole(Ola) Thordsen** [# 021] er brorsonen til Knut Knutson, son til den eldre broren Tord Knutson og kona Øyen Eriksdtr. **Ola** er [f 2/11-1849, dpt 11/11-1849\[# 56\]](#).

- Vi ser òg at **Knut og Ragnild** har fått ei jente etter at dei kom til Selje. Dottera D3:**Canutte** kom til verda 15/9-1865 og vart [døypt 7. oktober s.å.\[# 94\]](#). Faddrar er «*kirkesanger Halvorsen, Ole Thordsen, Barbra Knudsd, Marit Helgesd og Lisebet Larsdt Hove*» (Dei 4 fyrste er frå Nord-Aurdal).

- Namnet dei har valt, **Canutte**, er ukjent/ikkje nytta i Valdres på denne tida. Ei snøgg sortering av alle med ulike skriveformer av dette namnet i FT1865 syner at namnet har 'tyngdepunkt' på Sunnmøre. Av 241 personar som ber namnet har 167 (69,3%) tilhald på Sunnmøre (58 i Volda, 40 i Herøy), 37 (15,4%) i Romsdalen (31 av desse i Kvernes prgj.), 23 (9,5%) i Nordfjord (19 av desse i Eid [*Nordfjordeid*]) og 3 i Sunnhordland.

Både «[foreldre.no](#)» og «[Behind the name](#)» er samde om at namnet er ei feminin form av **Knut**. [SSB sin namnestatistikk](#) fortel at «*Det er 47 kvinner som har Kanutte som første fornavn*». Les gjerne «Hjorten» sin [blogg om slektsregistrering](#) og bloggen «[Purisme](#)» om namn, tradisjonar og oppattkalling. For eigen del fall assosiasjonane til [Anne Cath Vestly](#) og [Alf Prøysen](#) snøggast på plass. Korkje Wikipediastykket eller '[ordnet.dk](#)' knyter ordet 'kanut' til jentenamn. – Ein vil tru at **Canutte** er oppkalla etter den døde broren sin.

Så litt om dei tre systemene. – **Berit** D1 vert [konfirmert i Selje 2. oktober 1870\[# 32\]](#). I 1910 er ho registrert i folketeljinga på «Valderskvien under gården Hammersvik» - «*hjelper sin far*». Eg har ikkje funne henne i teljinga 1900.

Marit D2 står [til konfirmasjon på dagen 4 år etter storesystera\[# 2\]](#). Vel eitt år seinare finn vi henne i [folketeljinga1875 for Sortland i Vesterålen](#), der ho er tenar hjå soknepresten, Anton Holst. Han er gift med Petra, som vi tidlegare (FT1865) såg var dotter til prost Koren i Selje. Marit var truleg kjend med Holst og kona frå prestegarden i Selje. Eg finn inga innflyttingsmelding til Sortland. - **Marit** vert nok ikkje så mange år hjå prestefolket. [30. november 1879\[# 17\]](#) giftar ho seg i Bø i Vesterålen med **Ingebrigt Edvard Petersen**. Ingebrigt var f 12/4-1860, dpt i [Malnes kyrkje 19. august s.å\[# 48\]](#). Ved [teljinga 1875](#) bur han saman med foreldra på Aderseth(Gaasland) i Bø. Konfirmert vart [han i Malnes 11. juni 1876\[# 5\]](#). Foreldra var Peder Andreas Petersen Rise og Sara Susanne Dreier.

Marit og **Ingebrigt** vert foreldre til desse borna: 1)**Peder Karolus Martin** f 17/10-1880, [dpt 30. november s.å.\[# 56\]](#) – 2)**Konstance Regine** f 2/4-1887, [dpt 7. august s.å. \[# 13\]](#). Båe er døypte i Bø i Vesterålen. 3)**Engelika Josefine** f 15/12-1889, [dpt 13. juli 1890 i Øksnes\[# 13\]](#). Fødestad er notert til Mykland ([Møkland på dagens kart](#)) [[gardsnr.4.](#)] [[Les gjerne historia om prestegjeldsgrensa](#)].

Kyrkjeboka for [Selje har i innflyttingsrubrikk](#) notert som # 1-4 for 1891: «*Fisker Ingebrigt Petersen, Hustru Marit Knutsd, Børn Peter Kornelius og Konstance Regine*» komne frå «*Bø i Vesteraalen*» og busett på Hamre i Selje. Inga utflytting til Selje er notert, korkje i Bø eller Øksnes. Men KB i Bø har notert ei utflytting [til Øksnes i 1888 for Ingebrigt Petersen Gåsland og hustru](#) [# 9].

Dottera 4) [Inger Sofie](#) f 21/2-1894 vert [døpt i Vågsøy 14. mai same år](#) [# 10]. Så kjem 5) [Mathilde Fredrikke](#) f 27/3-1896, dpt i [Selje 14. mai s.å.](#) [# 23]. Ved [teljinga 1900](#) bur foreldra og dei 4 jentene på ein plass under gnr. 56/1 (Prestegarden Hove).

Alle borna vert konfirmert i Selje. [Peder Karolus](#) 29/6-1895 [# 17], [Konstance Regine](#) 6/10-1901 [# 20], [Engelika Josefine](#) 9/10-1904 [# 13], [Inger Sofie](#) 4/10-1908 [# 18] og [Mathilde Fredrikke](#) 15/10-1901 [# 16]. Døtrene [Inga](#) og [Mathilde](#) bur på plassen Rese under prestegarden saman med foreldra [ved teljinga i 1910](#). Attåt desse er ein 'dattersøn', [Harald Knutsen](#) oppført. Dette er barnet til [Engelika Josefine](#). Han er f 12/9-1909 og dpt 20. september s.å. [# 133] på Fødselstilsen i Bergen. Faren er nemnd «*grdbrgr Knut Bærstad*». [Engelika reiser frå Bergen 26. august 1910](#) med billett til «*Amk Langham i British Coloumbia i Canada*».

[Peder Karolus](#) gifter seg i Selje 4. april 1907 [# 1] med [Ingeborg Anne Jensine Halvor-sen](#). Ho er f 8/11-1891 på Hove i Selje og dpt 30. desember s.å. [# 40]. Far hennar er handelsmand [Lauritz Olaus Halvorsen](#), f 1847 i Ålesund som 15/8-1878 [# 24] gifta seg med [Synneve Pedersdtr](#) f 1846 frå Støve i Breim (*Gløppen*). [Peder](#) og [Ingeborg](#) tok over landhandelen og [dreiv postkontor og dampskipsekspedisjon](#). Dei bur i 1910 på «*Nabben under Selje prestegård*». Borna deira funne i kyrkjebøker er: 1) [Lilly Margrethe](#) 2) [Solveig Magnhild](#) 3) [Ingrid Svanhild](#) 4) [Asbjørg Ragnhild](#) 5) [Magnus Halvorsen](#) 6) [Fridtjof Halvdan](#).

[Kanute Knutsdtr.](#) D3 Vert [konfirmert i Selje 3. oktober 1880](#) [# 35]. Ho vert [gift 19. mai 1890](#) [# 6] i Selje med fotograf [Isak Bernt Isaksen Hellebust](#) f 17/7-1868, dpt 30. august s.å. [# 34] i [Vanylven på Sunnmøre](#). [Isak](#) er son til [Isak Isaksson](#) og [Jakobine Larsdtr](#). Han vart [konfirmert 30. septenmber 1883](#) [# 8]. Ved teljingane i 1900 og 1910 bur dei i Fjæreteigen på Nordfjordeid. *NRK Fylkesleksikon-Sogn og Fjordane* har med bilete av [Isak](#) i stykket «*Fotografane på Nordfjordeid*».

Oppslag på [DISgravminner](#) fortel at [Isak](#) dør 26. januar ov vert gravlagd 1. februar 1934 [ID=3847839]. [Kanute](#) dør 20. september 1952, gravlagd 28. september s.å. [ID=3847840]. Båe er gravlagde på [Stokkenes gravplass](#) i Nordfjordeid.

I kyrkjebøkene har eg funne desse borna: 1) [Isak Karolus](#) f 1/7-1890, dpt i Selje 17. august s.å. [# 24]. - 2) [Johan Severin](#) f 8/2-1897, dpt Eid 21. februar s.å. [# 7] - død 25/2-1984, gravl. 1. mai 1984 på Stokkenes gravplass. [ID=3849026]. Han var truleg g.m. [Betzy Kristine Bentsdtr Haugland](#) f 3/6-1902 [# 28] på 'Moldøen' i Selje, død 27/11-1993 og gravl. 2/12 s.å. [ID=849026]. [Betzy](#) er ved [FT1910](#) registrert på Rudlandsnes i Alversund, Nordhordland. - 3) [Ragnhild Dagny](#) f 12/2-1906, dpt. 15. april s.å. [# 15] – død 28/3-1955, gravl 4. april 1955 på Stokkenes gravplass [ID=3848263].

Ved teljinga 1900 er [Ragnhild](#) og [Knut](#) å finne på «*plass under 29/1*», *Hammersvik* i Selje. I 1910 er enkjemann [Knut Knutson](#) [registrert på «Valderskvien» under Hammersvik i Selje](#) saman med dottera [Berit](#). - «*Husm.k.*» [Ragnhild Haldorsdtr](#) f 1830 i Vestre Slidre [døyde 5. november 1907](#) [# 26] i *Hammersvik*. Ho vert gravlagd ved Selje kyrkje 13. november s.å. «*Pladsmænd og enkemand*» [Knut Knutson](#) [dør 30. desember 1916](#) [# 1] og vert gravlagd ved Selje kyrkje 5. januar 1917. KBinnførsla fortel at han var fødd 9/9-1829 i «*Nordre Aurdal Valdres*».

Ja, då har vi løyst litt på den fyrste «*Knuten*» - den hin kjem på neste side ...

Ragnhild Haldorsdtr og Knut Knutson er såvidt nemnde i «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*» band A, side 398. Det har vore etterlysingar om familiemedlemmer på [Brukarforum](#) (Digitalarkivet) og [Genforum](#) (Genealogy.com)

Klokkar i Skrautvøl og klokkar på Selje

Kirkesanger **Knud Halvorsen**, 42 ½ år gml., og familien hans er [innført i året 1867](#)^[# 1-8] som innflytta til Selje. «*Opgiven hensigt med Indflytningen*» er «som [kirkesanger](#) i hovedsognet». Familien flytter inn frå «*Hagænæs i Nordre-Aurdal*» og har attest «for den hele familie af Sognepræst Bjørn 29de Januar 1867»

Knut var f 22/3-1822 og [døpt i «Schrutvolds kirke» 31. mars s.å.](#)^[#24]. Han var son til Halvor Halvorson (Meisdalen) og Borgil Knutsdtr. Han vart [konfirmert i Skrautvål kyrkje 10. juli 1836](#)^[#19]. [3. oktober 1847](#)^[# 5] giftar han seg i [Skrautvål kyrkje](#) med **Marit Helgesdotter**. Foreldre er Helge Embrikson (Haganes) og Anne Ørjansdtr. Marit vart [f 20/1-1822, dpt i Svenes kyrkje 3. februar s.å.](#)^[# 9].

Marit og Knut får etter kvart 9 born: **1) Barbro**^E f 12/1-, dpt 27/2-1848^[# 6], [konfirmert i Skrautvål kyrkje 29/7-1862](#)^[# 1]. **2) Halvor**^A f 7/6-, dpt 24/6-1849^[# 40], [konf. i Skrautvål 14/6-1863](#)^[# 9]. **3) Helge** f 3/4-, dpt 11/5-1851^[# 20], [død 18/4-1852](#)^[# 6], gravlagd på Skrautvål kyrkjegard. **4) Anne** f 3/10-, dpt 23/10-1853^[# 42], [konf i Selje 3/10-1869](#)^[# 28]. **5) Ingebjørg** f 9/10-, dpt 18/11-1855^[# 52], [død 18/6-1856](#)^[# 8], gravl. Skrautvål kyrkjegard 23/6-1856. **6) Marie**^C f 25/12-1857, dpt 17/1-1858^[# 1], [konf. 12/10-1873](#) i Selje^[# 32]. **7) Ingebjørg Helgine**^P f 6/12-, dpt 26/12-1859^[# 64], [konf. Selje 3/10-1875](#)^[# 42], **8) Eivind** f 16/9-, [heimedøpt 27/9-1862](#)^[# 46], [død 1/10-1862](#)^[# 33], gravl. Skrautvål kyrkjegard 30/10-1862. **9) Knut**^B f 26/12-1863, [dpr 1/1-1864](#)^[# 1], [konf. Selje 6/10-1879](#)^[# 31].

Ved [teljinga i 1865](#) finn vi familien i «Klokkerboligen» i Selje. «Husfaderen» sitt yrke er «Kirkesanger og lærer». Her er alle notert med fødestad «Sællø Prgj», noko vi veit er feil ! – Sidan eg ikkje finn telingar for Selje før 1900 kan vi spe på med litt frå Panteregisteret for Selje.

«**Kirkesanger Halvorsen**» finn vi som eigar av [Hatlenæs, gnr 69](#) i Selje. [Han fekk skjøte 11. juli 1876, tinglese 19. juli s.å.](#) Eldstesonen **Halvor**^A **Knutsen** gjev «Kaar» til foreldra dat. 11/7-1876, tinglese 14/7-1877. Halvor (eller *Haldor* som panteboka seier her) får etter «begøring» slege saman bruksnr 1 og bruksnr. 9, tinglese 10/7-1911. 20. april 1920 skjøter Halvor garden over til eldste sonen, **Knut**, skjøta vert tinglese 30. april s.å. Han er registrert som [eigar av 69/1 «Matrikelutkastet 1950»](#).

«**Kirkesanger Halvorsen**» får [skjøte på Hammersvik, gnr 59/1](#) (løpenr. 124) datert og tinglese 9. april 1881. Han skjøter vidare til yngstesonen **Knut**^B 10. mai 1887 – tinglese 11. mai s.å. Samstundes får foreldra «Kaarbrev». **Knut K Hammersvik** skjøter garden vidare til yngste son sin, **Kristoffer**^Z, [skjøte er datert 2. mai og tinglese 4. mai 1926](#). Kristoffer er registrert som [eigar av 59/1 «Matrikelutkastet 1950»](#).



Halvor^A gifter seg [16. januar 1876](#)^[# 5] med **Johanne Johnsdtr**, f 26/1/1854 på [Stave](#) i Selje. Ho er dotter til [John Thomassen](#) og [Larsine Pedersdtr.](#) [I 1865](#) er ho hjå foreldra på Stave. Ho vert [konfirmert 3. oktober 1869](#)^[# 31].

Frå kyrkjeboka har eg funne desse borna: **1) Karen Mathilde** f 20/3-, dpt 10/4-1879^[# 27], [konf. 30/9-1894](#)^[# 4]. **2) Jørgine Alette** f 22/7-, dpt 14/8-1881^[# 23], [konf 4/10-1896](#)^[# 8]. **3) Knut Andreas**^X f 2/1-, dpt 3/2-1894^[# 6], [konf 2/10-1898](#)^[# 18]. **4) Martha Helgine** f 2/12-1886, dpt 1/1-1887^[# 2], [konf 6/10-1901](#)^[# 17]. [Ved [teljinga 1910](#) er ei Martha Halvorsen f. 2/11-1883 i Selje registrert som «Husjomfru» hjå Barbro Halvorsen, 'pensjonatbestyrerinde']. **5) Alida Berthina**^Y f 24/3-, dpt 6/4-1890^[# 9], [konf 9/10-1904](#)^[# 11]. **6) Olaf** f 25/8-, dpt 25/9-1892^[# 33], [konf 6/7-1907](#)^[# 8]. **7) Barbro** f 9/9-, dpt 3/11-1895^[# 40], [konf 9/10-1910](#)^[# 6]. - På DIS«Slektsforum» finst [ei etterlysing som involverer Knut Halvorsen](#). Etter desse opplysningane ser det ut til at **Knut Halvorsen** (Knut Andreas^X) har kome [til New York i 1926](#). Men ved fleire transaksjonar på 1930-taler er Knut Halvorsen nemnd på Hatlenes. Ein *Halvor Knutsen* Berstad er skriven som far til jenta **Hanna Oline** [f 20/8-, dpt 29/8-1874 i Selje](#)^[# 89]. Folketeljinga 1875, som diverre ikkje er digitalisert, ville ha fortalt oss kor mange med denne namnekombinasjonen som bur i Selje prestegjeld.

Knut Andreas^X er ved teljingane i [1900](#) og [1910](#) busett på Hatlenes 69/1 i Selje. Han [giftar seg i Selje 19. September 1914](#)^[# 7] med **Oline Sara Johanne Jensdtr** Rygh. Ho er fødd på [Apalslet](#) i Selje [6/11-](#), [dpt 4/12-1892](#)^[# 34], [konf i Lekanger sokn 22/9-1907](#)^[# 11]. Ho er dotter til Jens Rygh og Marie Monsdtr.

Knut Andreas og **Oline** har desse borna funne frå kyrkjeboka: **1) Johanne Olif Helgine** [f 26/12-1914](#), [dpt 4/4-1915](#)^[# 15]. **2) Marie Josefine** [f 16/8-](#), [dpt 7/10-1917](#)^[# 36]. **3) Halvor Kristoffer** [f 30/8-](#), [dpt 12/10-1919](#)^[# 35].

Alida Berthina^Y er brur i [Mariakirken i Bergen 12. september 1918](#)^[# 28]. Brudgommen er **Johannes Anton Mathias Øren**, [f 7/4-](#), [dpt 21/6-1896](#)^[# 15] i Selje. Dei vert foreldre til guten **Ole Anton Peder**, [f 12/8-](#), [dpt 12/10-1919](#)^[# 33] i Selje.

Knut Knutson^B [giftar seg 17. september 1886](#)^[# 10] med **Laura Hansdtr Eide** [f 12/10-](#), [dpt 5/11-1865](#)^[# 102], [konf 3/10-1880](#)^[# 64] i Selje. Ho er dotter til Hans Larson Eide og Synnøve Thomasdtr. Familien er både i [1900](#) og [1910](#) registrert på Hammersvik gnr. 7/1 i Selje. I 1900 bur mor til Knut, [Marit Helgesdtr](#), hjå dei.

Frå kyrkjebøkene er desse borna funne: **1) Margit Karoline** [f 4/10-](#), [dpt 11/10-1888](#)^[# 22], [konf 27/9-1903](#)^[# 7]. **2) Synnøve Henriette** [f 9/7-](#), [dpt 30/8-1891](#)^[# 25], [konf 30/9-1906](#)^[# 7]. **3) Kristine Petrine** [f 12/4-](#), [dpt 24/5-1896](#)^[# 28], [konf 15/10-1911](#)^[# 4]. **4) Hanna Paula** [f 11/12-1897](#), [dpt 13/3-1898](#)^[# 13], [konf 21/9-1913](#)^[# 2]. **5) Borghild Lovise** [f 23/8-](#), [dpt 27/10-1901](#)^[# 31], [konf 23/9-1917](#)^[# 1]. **6) Kristoffer Sigvald**^Z [f 27/2-](#), [dpt 24/4-1904](#)^[# 14], [konf 28/9-1919](#)^[# 1].

Marie^C **Knutsdtr** [giftar seg i Selje 26/5-1885](#)^[# 4] med **Bernt Severin Hansen Eide**. Foreldra hans er *Hans Larsen* Eide og *Synnøve Thomasdtr*. Bernt er [f 18/3-](#), [dpt 1/4-1860](#)^[# 26] og konfirmert 3/10-1875^[# 13]. Dei får i [1885 utflyttingsattest](#)^[# 11&12] med [Bodø](#) som reisemål. Ved [utvalsteljinga 1885](#)^[# 014-015] er dei registrert i Søndregade i Bodø. Dei får 3. mars 1886 sonen **Karl Halvdan**. Han vert [døpt i Bodø 2. mai](#)^[# 23] s.å. I [1910](#) bur Marie på Eide gnr 65/1 i Selje. Ho er då enkje og har «offentlig understøttelse».

Ingebjørg Helgine^D **Knutsdtr** vert [28. september 1883](#)^[# 22] gift med **Anders Severin Olsen**. Han er [f 29/3-](#), [dpt 2/4-1854](#)^[# 24], [konf 3/10-1869](#)^[# 4]. Han er ved bryllaupet nemnd som «Gaardbr. Lille Hamre». Foreldra hans er *Ole Larsen* (Listou[Lesto]) og *Eli Olsdtr*. Familien er ved teljingane i [1900](#) og [1910](#) nemnde på [Hamre gnr 58/8 i Selje](#).

Barneflokken er ut frå kyrkjebøkene desse: **1) Mathilde Elisabet** [f 18/9-](#), [dpt 25/10-1885](#)^[# 31], [konf 14/10-1900](#)^[# 9]. Ho bur ved [teljinga 1910](#) i Skovveien 49 i Kristiania, der ho hjelper mostera, **Barbro**^E, med pensjonatdrift. **2) Olaf Kristian** [f 30/12-1886](#), [dpt 23/1-1887](#)^[# 1], [konf 1/9-1901](#)^[# 2]. Han er då cand.jur. og bur, som storesystera, i Skovveien 49 ved [FT1910](#). **3) Knut Ingvald** [f 15/9-](#), [dpt 27/12-1889](#)^[# 27], [konf 9/10-1904](#)^[# 8]. **4) Emil Peter** [f 12/3-](#), [dpt 24/4/1891](#)^[# 9], [konf 30/9-1906](#)^[# 10]. **5) Borghild Marie** [f 6/4-](#), [dpt 7/5-1893](#)^[# 14], [konf 4/10-1908](#)^[# 5]. **6) Eline Marie** [f 24/10-1895](#), [dpt 23/2-1896](#)^[# 6], [konf 9/10-1910](#)^[# 12]. **7) Albert Ingvald** [f 30/5-](#), [dpt 8/8-1897](#)^[# 34], [konf 15/9-1912](#)^[# 2]. **8) Julius Birger** [f 24/12-1898](#), [dpt 23/4-1899](#)^[# 16], [konf 21/9-1913](#)^[# 3]. – Ja, sidan han er fødd 'juleftan' er vel *Julius* eit godt namneval! **9) Øivind** [f 8/1-](#), [dpt 28/4-1901](#)^[# 18], [død 8/3-](#), [gravlagd Selje kyrkjegard 16/3-1909](#)^[# 5]. **10) Sverre Mikal** [f 19/6-](#), [dpt 23/8-1903](#)^[# 30], [konf 15/9-1918](#)^[# 2].

De kan lesa meir om familien til *Ingebjørg Helgine* på [nettsida «Ei slekt Lesto»](#). (sidene 90-98)



For oss som held til aust for Langfjella kan kanskje wiki-artikkelen om [Stad skipstunnel](#) vera av interesse (bilete teke 25/1-2011 OHF)

Knut, Marit og borna er nemnde på side 370 i «Gard og bygd i Nord-Aurdal» band A (2005) «Årbok for Valdres» 1973 (s.99) fortel at Knud H Berge, seminarist og kirkesanger, er reg. i Thranes arbeiderforening 1851.

Vestresliding til Sunnfjord – Hørisbygging til ytre Sogn

«[Valdrisar er vi og verda er lita](#)» for å skrive om frå Einar Skjæråsen

Dette stykket får eg komponere etter hugselappen som sto på kjøleskåpsdøra til nokre meieristudentar fyrst på 1970-talet. «**HUSK: [Drikk det eldste ølet først](#) !**»



25. september 1828 er det i ministerialboka for Askvoll i Sunnfjord ein finn ein denne innførsla for «Innflyttede»: «**Tørger Johnsen**» er komen «for at tjene» på «*gaarden Sætre*»*. «Tørger» er 16 år gamal, kjem «*fra Slidre Prestegjeld fød paa gaarden Wamre*». Han har med attest datert «1^{ste} Octb 1828». Sætre ligg i Vilnes sokn.

I ministerialboka for Slidre finn vi at **Jon Trondsen HambresEier** og kona **Marit Madsdotter** døyper sonen Tørger [17. mai 1812](#) [V.side, 4. ovanfrå]. Guten var fødd «2. Sistleden». Fadderane kjem frå gardane Jome, Hamre og Frigstad. Eg har ikkje greidd å finne han mellom konfirmantane i Slidre prgj. Kan elles nemnast at både Jon og Marit ættar frå Kattevøl og har Coldingblod gjennom denne greina.

Neste gong vi treffer **Tørjer***, eller **Torger** som han no er nemnd i kyrkjeboka for Askvoll prgj., er [19. juni 1839](#) [# 13]. Då vert «*ungk Torger Johnsen Sætre født Hambre i Valdres, 27 år gml.*» gift med «*enken Siri Jensd født Haavog, 50 år gml.*». Brura har «*Forevist Attest frå Skifteforvalteren af 10/4-39.*» *Tørjer var vel taleforma av dette førenamnet i nord-Valdres, men skrivje **Torger**. Seinare skrivjeform: **Torgeir**.

Ved [teljinga 1865](#) [# 006-007] bur paret på Strømmen i Askvoll. Tørjer er «Tjenestedreng» på garden og den noko eldre kona hans er nemnd «Tjenestepige». Inderstkone **Siri Jensdtr** [døyr 13. mars 1872](#) [# 8] på Strømmen i Askvoll og vert gravlagt 19. mars s.å. Alder ved død er i KB notert til 84 år. Siri vart jordfesta 31. mars 1872. Etter alder ved død og ved FT1865 lyt **Siri** vera fødd kring 1788-1789. Eg finn ingen som høver til desse opplysningane i 'nærområdet....

Enkem., Fattiglem Torger Johnsen f 1808 i Vestre Slidre [døyr på Færø 10. august 1882](#) [# 6]. Han vert gravlagt 17. august s.å. på [Vilnes kyrkjegard](#) på Atløya og jordfest 17. september.

Vi får kosta på oss nokre strofer – med rimord lånt frå [Marve Fleksnes](#):

*Tørjer frå Slidre – i vestlei han for
Han visste nok ikkje – der han sette spor
At fleire frå Valdres skull' ta sine steg
I nett same lei som han no la i veg
For femti år etter kjem Marta
Til Hyllestad var ho i farta !*

Marit i Hørisbygden – vert Marte i Hyllestad



[2. juli 1881](#)^[# 2] står «Pige, husmandsdatter» **Marthe Haaversdatter Kvien** brur i [Øn kyrkje](#), Hyllestad prgj. i ytre Sogn. Brudgom er «Ungkarl. Snedker» **Mathias Andersen Hatlem**. Innførsla fortel at Marthe er fødd «1859 29/3 - på Kvien i Vangs Præstegjeld i Valdres» og at far hennar er «Haaver Nilsen Kvien».

Ministerialboka for Vang stadfestar desse opplysningane. **Marit** vart døypt i [Høre stav-kyrkje](#) [2. juni 1859](#)^[# 50]. Foreldre er hmd. *Haaver Nilsen Qvienejet* og *Anne Andersdtr****. Fire av faddrane kjem frå *Kvie*, den femte er *Ole Nilsen Ellingbøe* frå hovudsoknet. Ved [teljinga 1865](#) er ho registrert saman med mormor, foreldre og sysken på «Qvien». Ho vart [konfirmert 31. mai 1874](#)^[# 28].

Mathias Andersen vart [f 17/12-](#), [dpt 29/12-1848](#)^[# 111] i [Askvoll prgj.](#) og [konfirmert i Øn kyrkje 4/10-1863](#)^[# 2]. Foreldra heiter *Anders Gulbrandsen* og *Agathe Mathiasdtr*. Ved [teljinga 1865](#) er han «Tjenestekarl» på heimgarden, [Hatlem Lno. 228a](#) i Hyllestad prgj. **Mathias** kjøper gard vel ein måned før han giffar seg. Den [25. august 1881](#) får han [skjøte på gardsnr. 27/4 Hatlem ytre](#). Skjøta vert tinglese 3. september s.å. - seljar er *Anders Monsen Hatlem* «som væрге for *Ragnhild Jonsdatter*». - Ved teljingane i [1900](#) og [1910](#) finn vi **Marit** og **Mathias** på ytre Hatlem. **Mathias** finn vi samstundes i [FT1910](#) som «Midlertidig busett»(mt) på «[Svanøe Hovedgaard](#)» i Kinn herad.

Frå kyrkjebøkene finn vi denne barneflokk: **1) Henrik**^A [f 11/6-](#), [dpt 13/8-1882](#)^[# 50], [konf Øn krk. 4/10-1896](#)^[# 5]. **2) Andreas**^B [f 22/2-](#), [dpt 11/4-1884](#)^[# 23], [konf 9/10-1898](#)^[# 8]. **3) Kristoffer Benjamin** [f 27/12-1885](#), [dpt 24/1-1886](#)^[# 9], [konf 7/10-1900](#)^[# 5]. **4) Anna** [f 2/10-](#), [dpt 30/10-1887](#) ^[# 13], [konf 28/9-1902](#) ^[# 18]. **5) Agate** [f 30/9-](#), [dpt 10/11-1889](#)^[# 12], [konf 11/10-1903](#)^[# 23]. **6) Mads**^C [f 13/9-](#), [dpt 18/10-1891](#)^[# 13], [konf 30/9-1906](#)^[# 10]. **7) Herman Andreas** [f 18/12-1893](#), [dpt 21/1-1894](#) ^[# 1], [konf 20/9-1908](#)^[# 12]. **8) Nils** [f 16/12-1895](#), [dpt 19/1-1896](#)^[# 2], [konf 9/10-1910](#)^[# 12]. **9) Marie** [f 30/12-1897](#), [dpt 6/2-1898](#)^[# 3], [konf 5/10-1913](#)^[# 20]. **10) Anton**^D [f 26/4-](#), [dpt 4/6-1900](#)^[# 8], [konf 26/9-1915](#)^[# 6]. **11) Johan** [f 6/3-](#), [dpt 13/4-1903](#)^[# 3], [konf 22/9-1918](#)^[# 6].

Her kan vi som snøggast sjå på [oppattkallinga](#) av forfedra. **Henrik** skulle ein tru har fått namn etter morfar *Håvål* (tjukk I) – **Andreas** oppkalla etter farfaren *Andreas* – **Kristoffer** kjem frå morsida, oldefar til **Marit** er *Kristoffer Nilsson Kvie* – **Anna** har namn etter mormor si – **Agate** har namn etter farmor si – **Mads** etter tippippoldefaren i Vang – **Nils** har namn etter oldefar på morsida – **Marie** kan ha fått namn frå oldefaren *Mathias* på farsida, medan eg ikkje kan sjå at **Anton** og **Johan** er nytta i nær slekt. Ein morosam blogg, «[Namnet](#)» kan de gjerne lesa

Familysearch([Mormonane](#)) har lagt familien inn i ein [TNG](#) database «[Community Trees](#)» med opplysningar frå Hyllestad bygdebok.

Henrik^A finn eg [gift i Korskirken, Bergen 7. januar 1911](#)^[# 3]. Kona er **Anna Sofie Hansdtr** [Bjørvik f 27/5-](#), [dpt 10/8-1884](#) ^[# 9] i Bygstad, Gaular kommune i Sunnfjord. Ho er dotter til *Hans Axelsen* og *Janikke Gundersdtr*. Ho er ved [FT1900](#) nemnd «[Barnepige](#)» hjå *Jeanne Koth* i *Bjørnsløipet 109/8* i «[Hamre herred](#)» i Hordaland. I [1910](#) er ho registrert i Øvregaten 13, Bergen.

Anna Sofie og **Henrik** vert foreldre til **Aksel Mathias** [f 16/10-](#), [dpt 26/11-1911](#) i [Korskirken, Bergen](#)^[# 93] og **Harry Monrad** [f 21/2-](#), [dpt 30/3-1913](#)^[# 42] i Sandviken, Bergen. **Aksel Mathias** er nemnd i «Fylkesleksikon» i samband med [båtruter mellom Sogn og Bergen](#).

Harry Monrad er iflj. [Matrikkelutkastet 1950](#) nemnd som eigar av Runnene [gnr. 27/4](#) og Ekrene [gnr. 27/5](#) i Hyllestad kommune. Etter registrering på DIS Gravminner er **Harry Monrad** [død 16. juli 1982](#) og gravlagt på [Øn kyrkjegard i Hyllestad](#).

Går vi attende til panteboka for Hatlem ser vi at **Henrik^A Mathiassen** får skjøte på gardsnr. [27/4](#) samt bnr. 5 og gnr 28/5 datert 26. mai, tinglyst 26. juni 1920. Han overtek frå mora, «**Marta H Hatlem, ang. enke efter Mathias Andersen Hatlem**». Marta har site i [uskifta bu](#), uskifte-brev tinglyst 4/2-1924. - Ny skjøte datert 1. juni 1936 er «*fra Henrik M Hatlem f 11/7-1882 v/ Anna Sofie Hatlem iflg. Fullmakt-dok 15- til sønnene Aksel Mathias Hatlem f 16/10-1911 og Harry Monrad Hatlem, f 21/2-1913 på dette bruk og bnr5 samt gnr. 28 bnr. 5 for kr. 15000,- derav kr. 2000.- for redskap ... og løsøre.- og kår til selgeren og hustru av 5-årig verdi kr. 2.500.- som hviler med panterett i brukene. Dagboknr. 514 dagbokført 13/7, grunnbokført 21/7-36*»

Mathias A Hatlem, «*gift gaardbr. og bygningsmand*» [døydde 18. september 1918](#)^[# 2]. Han vart gravlagd ved Øn kyrkje 27. september s.å. - *kårenke Marta (Marit/Marthe) Haaversdt. Hatlem døydr 28. februar 1922*^[# 3] og vert gravlagd ved Øn 9. mars s.å.

Nest eldste son, **Andreas^B** finn ein i basen «*Emigrantar frå Bergen 1874-1930***» Han er registrert som utreist til [Seattle](#), Washington state [26. mars 1907](#)^{**}. Han skal bli «Sagmølle-arbeider». Ein *Alfred M. Hatlem* er registrert på Lake View Cemetery, Seattle (King Co.) i «[Findagrave.com](#)», men er truleg ikkje rett person då fødselsår ikkje stemmer. På «SFFarkiv» finn eit [bilete av Andreas saman med kone og dotter](#).-

Mads^C er hjå DIS gravminner [registrert død 3. juni 1978](#) og gravlagd på [Møllendal kirkegård](#) i Bergen. -

Anton^D er i same database [registrert død 2. mai 1992](#), gravlagd i Alversund i Lindås kommune. Laura er kanskje kona til Anton.

Eit søk på «[Kulturnett.no](#)» gav mange bilete av fleire i denne Hatlem-familien.

Hyllestad bygdebok har med ei fin [oversikt over familien på gnr. 27/5](#) -

- - -

Det kan vera litt interessant å sjå på dei to Valdrisane som er omtale her, **Tørjer (Torger/Tørgen) Jonson** og **Marit (Marit/Marthe) Håvårsdotter**. Familiane til båe har vore innoom «Hielde» (Hjelle) i Vestre Slidre . –

***** Anne Andersdtr**, mor til Marit, [f 9/6-, dpt 19/7-1829](#)^[# 30], [død 1/9-1869](#)^[# 62] , er dotter til **Anders(Andris) Kristofferson Kvie** [dpt 1/4-1792 i Vang](#)^[H side, 4. nedanfrå], [død 5/3-1850 på Kvieseige](#)^[# 7] og **Marit Jonsdtr** f. ikr. 1798/1799, [konf. 7/11-1813 «ved Wolboe»](#)^[H side,H spalte # 10], [død på Kvieseige 1/4-1886](#)^[# 1]. **Marit** og **Andris** [gifta seg 5. juli 1829 i Vang kyrkje](#)^[# 13]. **Marit Jonsdtr** bur ved [teljinga i 1865](#) på Kvieseige hjå dottera Anne og Håvår Nilson, mannen til Anne. Foreldra til Marit er **Jon Pederson** og **Anne Andersdotter**. [Dei gifta seg i Slidre 19. juni 1791](#)^[Hside, 4 ovanfrå]. Ved [teljinga i 1801](#) er familien registrert på «Hielde» som # 023-028. «Huusbonden» (Bonde og gaardbeboer) er skriven **Peder** Pedersen, men borna er nemnde **Jonsdatter**, så her må det vel vera ein inn- eller avskrivingsfeil !

- Tore Ey skriv på s, 508 i «Vang o Slire»: «*Ola Gudmundson har vorte skuldig pæing te hono Ion Pederson. Før dessa pæingatn er det gjort eksekusjon i Hjelle, o ette dei er han Ion Pederson tedømd garn te eigodom og fekk bygselsetil på ½ ko slyld 1798 og ¼ ko slyld 1801. Garn er soleise med tvang selt ifrå hono Ola Gudmundson, som allereio har jort kontrakt med hono Ion Pederson um o få eit stykkji jor unde Hjelle te o røa se opp ein plass på*».

Som #030 og 031 i 1801-teljinga på «Hielde» finn vi **Jon Tronsen** og **Marit Madsdatter**, foreldra til **Tørjer Jonsen**. Jon var då «[lnderste](#) og gaar i dagleje».



Erik Werenskiold: *Hjelle i Vestre Slidre* - [frå Digitalmuseum.no](#)

Til ein «høgstliggande» gard i Førde - 370 m.o.h.

Førde bygdebok fortel på [side 426](#) at det høgstliggande bruket i kommunen er Masdalsgjerdet, der gardstunet ligg 430 m.o.h. - Masdal vart dett i tre bruk i 1831. Vi skal i denne stubben innom bruket Teigen, gnr 55/3.



På vegen til Sunnfjord tek vi ei lita pause i Aurland i indre Sogn. I [Aurland kyrkje 8/4-1879](#)^[#3] gifta **Gjartrud Torsteinsdotter** frå Slidre seg med **Andreas Olaus Karlsson** frå [Hallbrænd](#) i Førde. Ho Gjartrud var 'uekte' dotter til [Marit Olsdtr Høve](#) og [Torstein Torsteinson Skjel](#) frå Vestre Slidre, Ho var f 2/3-, dpt i [Lome stavkrk. 16/5-1851](#)^[#44] og konf [10/6-1866](#)^[#7]. - **Andreas** var son til inderstparet [Karl Andreasson](#) og [Johanne Mosesdtr](#), f 2/2-, dpt [Førde krk. 18/2-1855](#)^[#23], konf [20/10-1870](#)^[#19].


12/4	1878	Skøyte frå Ole Mossesens enke Johanne til Andreas Carlson	21
			47

Han Andreas hadde kjøpt garden Teigen i Masdalen innan han gifta seg. Skjøta var datert 12/4-1878.

Gjartrud og **Andreas** fekk borna, alle fødde i Masdal, døypte og konfirmerte i Førde krk.: **Ole** f 25/7-, dpt [24/8-1879](#)^[#20], konf [23/9-1894](#)^[#22]. Emigrert frå Bergen [6/7-1896](#). **Kristoffer** f 2/1-, dpt [6/1-1881](#)^[#2], konf [6/10-1895](#)^[#24], emigrert Bergen-New York [30/5-1907](#). **Johannes** f 21/1-, dpt [4/2-1883](#)^[#1], konf [3/10/1897](#)^[#19], emigrert frå Bergen [13/3-1901](#). **Mathias Olai** f 8/10-, dpt [26/10-1884](#)^[#29], konf [1/10-1899](#)^[#21]. **Sofie Birgitte** f 26/8-, dpt [5/9-1886](#)^[#18], konf [30/9-1901](#)^[#47]. **Andreas** f 26/6-, dpt [1/7-1888](#)^[#23], konf [27/9-1903](#)^[#15]. **Marie** f 12/2-, dpt [9/3-1890](#)^[#6], konf [18/9-1904](#)^[#44], emigrert frå Bergen med Cunard Line [30/5-1907](#). Ho skal reise til bror sin. **Oliver** f 17/10-, dpt [1/11-1891](#)^[#31], død [4/10-1896](#)^[#11], gravl 10/10 s.å., jordfesta 8/11 s.å.

[FT1891](#) syner familien busett i Masdal, løpenr 151c i Førde – [Husliste](#) – Personskjema [f.o.m.](#) – [t.o.m.](#) **Andreas Karlson** fekk lungebetennelse og døydde i Masdal [23/11-1899](#)^[#1], gravl 1/12-s.å. Vi finn **Gjartrud** og borna ved [FT1900](#) busette på Masdal, gnr 55/3 i Førde herad. Ho selde Masdal gnr. 55/3 med skjøte 1/5-1905 til [Simon Masdal](#). - Ved [FT1910](#) var **Gjartrud** «arbeidererske(vask)» hjå familien [Nerland](#) på Nøisomhed i Førde.

Gjartrud Torsteinsdotter finn vi som [emigrant frå Bergen 26/9-1911](#) med New York som reisemål. Ho oppgjev å reise til «sin svigersøn».



«Båtflyktningar» utetter Sognefjorden !

Smågutar frå Valdres
oppfostra i ytre Sogn og Sunnfjord fyrst på 1800-talet.



Her kjem eit par soger om **to** brør frå Røn i Slidre prgj. og **tre** brør og syskenbarnet deira frå Aurdal prgj. Dei kom alle som svært unge til ytre Sogn og Sunnfjord. Det er sikkert at eit par av gutane kom før dei vart konfirmert, sidan baa gutane går gjennom denne handlinga i Eivindvik kyrkje i Gulen.

Ein kan undrast på om dette er ei fylgje av uåra/[krigsåra frå 1800](#) og frametter. Kanskje kom gutane seg over Filefjell med folk som skulle til «[Lærdalsmarken](#)», og fekk gjort avtaler med folk som kom frå lengre ut mot Nordsjøkysten om å ta seg av dei.

Det kviler mange uløyste spørsmål om korleis alt dette heng saman. - Men det vi veit – er at folk som ættar frå Fystrogutane er gifte med folk som ættar frå Kjørstadgutane.

Dei treftest ikkje att før på [Kinnafisket](#) ut i hundreåret då dei var eldre menn og fyrst kjendest dei ikkje !

Det er bryllaup i [Slidredomen](#). Datoen er 2. juli - og året er [1797](#)[Hside,5.nedanfrå]. Dei som skal «copulerast» i dag er «soldat **Ole Knudsen** og **Rangdi Nilsdtr Widste**». Dei vart trulova den 8. april s.å., trulovingsmenn var *Jøger Halvorsen Jarstad* og *Ole Nilsen WidsteEier*.

Ola Knutson var son til Knut Eivindson og [Gunhild Olsdtr](#). Han var fødd på [Hande](#) og døypt i Slidre [1/11-1769](#)[Hside,5.nedanfrå], konf [Røn krk. 12/8-1787](#)[Hside,midtrefelt,V spalte, #8]. Foreldra til **Randi** var [Nils Eivindson](#) og [Barbro Olsdtr](#). Ho vart fødd på [Viste](#), døypt i Røn krk. [12/4-1773](#)[Hside,6ovanfrå] konfirmert i Røn krk. [1/7/1792](#)[Vside, nedste avsnitt, Hspalte #9].

Fyrste barnet, ein gut, vart døypt i Røn krk [5/11-1797](#)[Vside,nedst]. Her fekk han namnet **Nils** (oppkalla etter morfaren). Fadrane kom frå [Viste](#) og [Neste](#). Dottera **Gunhild** (oppkalla etter farmora) vart døypt i Slidresomen [22/6-1800](#)[Vside,5.nedanfrå]. Ho vart gravlagd [4/8-1801](#)[Vside,25.ovanfrå]. **Ola** vart fødd på [Fystro](#), dpt i Røn krk. [25/7-1802](#)[Hside,7.ovanfrå]. Så kom **Barbro** f [Visteeige](#), dpt Røn krk. [26/12-1804](#)[Hside,2.ovanfrå], konf Slidredomen [16/7-1820](#)[#25]. **Gunhild** f [Fystroeige](#) 14/9-, dpt Røn kyrkje [27/9-1807](#)[Vside,5.ovanfrå], konf Røn [27/7-1823](#)[#14]. (Ho har etterslekt i Valdres) Yngste barnet vart **Knut**, f [Fystroeige](#) 6/10-, dpt Røn krk. [11/10-1812](#)[Hside,6.nedanfrå], konf Røn [30/8-1929](#)[#11].

Vidare i stubben fatar vi i lag med **Nils** og **Ola**. - Han **Nils** finn vi som konfirmant i [Eivindvik prgj.](#) i ytre Sogn [20/10-1816](#)[#8]. Til [Eivindvik kyrkje](#) kjem han òg som brudgom [25/6-1826](#)[#2]. Han hadde fridd og fått ja frå **Thrine Monsdtr**. Ho var frå Yttre og f ikr 1787.

Trine og **Nils** vart foreldre til **Ingeborg** ^{A1} f [Rørdal](#) i Solund 5/10-, dpt Eivindvik prgj [5/12-1826](#)[#56], konf Eivindvik [26/9-1841](#)[#2]. So kom sonen **Mathias** ^{A2} f [Rørdal](#) 15/2-, dpt Eivindvik prgj. [3/3-1833](#)[#10], ein av fadrane var «*Torkild Annexkirkesanger*», **Mathias** vart konfirmert i [Husøy krk](#)(Sulen krk), Solund [kart -17/9-1848](#)[#11].

Ho **Ingeborg** ^{A1} fann seg ektemann frå [Litle Kvernøyna](#) i Gulen. **Nils Olsen**, son til [Ole Mikkel-sen](#) og [Gjertrud Mikkelsdtr](#), var f 25/1-, dpt Eivindvik prgj [3/4-1828](#)[#12], konf Eivindvik [8/10-1843](#)[#7]. Borna deira kom til verda i Rørdal, Solund: **Oline** ^{A11} f 17/6, dpt Eivindvik prgj [18/8-1855](#)[#45]. **Thrine** ^{A12} f 27/3-, dpt [24/5-1857](#)[#20], konf [29/9-1872](#)[#9]. **Ole Johan** ^{A13} f 26/7-, dpt [14/8-1959](#)[#42], konfirmert Husøy krk. [3/10-1875](#)[#20]. **Nille** ^{A14} f 4/10-, dpt [19/10-1861](#)[#50], konf Husøy [23/9-1877](#)[#7]. **Andreas** ^{A15} f 18/1-, dpt [13/4-1865](#)[#15].

Familien var ved [FT1865](#) busette på [Nautøen](#) i Indrevær krins, Husø sokn, Eivindvik prgj. FT1891 syner familien på Notø(Nautøy), lno 10, [krins 1](#)[#28], [Husliste](#), Personsedlar [f.o.m](#) – [t.o.m](#). **Nils** ^{A1} var *Fisker, grbr Selveier*, **Ole Johan** ^{A13} var fiskar, snekker og dreiv «*litt med Skolearbeide*».

Ole Johan ^{A13} gifta seg [31/12-1881](#)[unr.] i Husøy krk. med **Bertine Henriksdtr**, dotter til [Henrik Tronsen](#) og [Gurine Johannesdtr](#), f Husøy 24/4-, dpt [16/5-1860](#)[#24]. - Dei vart foreldre til åtte born, alle



Postkort frå Hardbakke i Solund

fødde på Nautøy: **Sofie Amalie** [A131](#) f 28/2-, dpt Husøy [6/4-1882](#)[\[#1\]](#). **Nils Mikal** [A132](#) f 23/6-, dpt [31/8-1884](#)[\[#3\]](#). **Alette Gurine** [A133](#) f 23/11-1886, dpt Husøy [7/4-1887](#)[\[#1\]](#). **Henrik Theodor** [A134](#) f 13/3-, dpt Husøy [10/6-1889](#)[\[#5\]](#). **Ingvald Johan** [A135](#) f 28/5-, dpt Husøy [3/7-1892](#)[\[#3\]](#), [død 1913](#), gravl v Husøy krk. **Konrad Olai** [A136](#) f 12/2-, dpt Husøy [15/4-1895](#)[\[#3\]](#), [død 13/2-1953](#), gravl v Husøy krk. **Mathias** [A137](#) f 5/3-1900, og **Nils** [A138](#) f 26/4-1904.

Familien budde ved [FT1900](#) på Notø gnr 3/1 i Solund. [FT1910](#) syner at dei bur på same adresse. **Ole Johan Notø** [A13](#) døydde [20/3-1938](#), gravl v Husøy krk. **Bertine Henriksdtr Notø** døydde [21/1-1937](#), gravl v Husøy krk.

Thrine Nilsdtr [A12](#) gifta seg i Eivindvik [27/3-1857](#)[\[#1\]](#) med **Ove Jansen**, f [nordre Gjønnvåg](#), Sula 20/12-1853, dpt [11/5-1874](#)[\[#33\]](#). Foreldra hans var **Jan Oveson** og **Dorthe Johannesdtr**. Borna til **Thrine** og **Ove** vart fødde på Nøto(Nautøy): **Oline Johanne** [A121](#) f 23/5-, dpt Eivindvik prgj. [17/6-1877](#)[\[#35\]](#), konf Husøy krk. [20/9-1891](#)[\[#5\]](#). **Jakobine Dorthea** [A122](#) f 28/7-, dpt [17/8-1879](#)[\[#35\]](#), konf Husøy krk. [7/10-1894](#)[\[#3\]](#). Dei budde på Notø ved [FT1891](#)[\[#29\]](#), [Husliste](#), [Personsedlar](#) [1,2,3,4](#).



Postkort frå Hosanger

Jakobine Dorthea [A122](#) gifta seg [18/11-1900](#)[\[#20\]](#) i [Hosanger krk.](#) på Osterøy med **Johannes Martin Monsen**, son til **Mons Torson** og **Oline Knutsdtr**, f på [Gjetrum\(Geitheim\)](#) i Lonevågen, Osterøy 17/5-, dpt Hosanger krk. [14/6-1874](#)[\[#38\]](#), konf [12/8/1888](#)[\[#13\]](#). Dottera **Olga Margretha** [A1221](#) kom til verda i Geitheim 29/5-, dpt Hosanger [14/7-1901](#)[\[#19\]](#). **Olaf Gjetrem** [A1222](#) f [Sydnesgate](#) 7 12/1-, dpt [Johanneskrk.](#) [1/3-1903](#)[\[#24\]](#). **Magnus** [A1223](#) f østre Jernbanegt 12/12-1903, dpt Johanneskrk [31/1-1904](#)[\[#10\]](#). **Thekla** [A1224](#) f Ø Jernbanegt 4 1/7-, dpt Johanneskrk. [29/10-1905](#)[\[#130\]](#). **Gunhild Amalia** [A1225](#) f Ø Jernbanegt 6/9-, dpt Johanneskrk. [24/11-1907](#)[\[#144\]](#). - Familien er del av ein [GENIprofil](#). - Dei vart registrerte i [FT1900](#) med bustad Gjeitrem gnr 9/4,5 i Hosanger herad. [FT1910](#) plasserer familien i Østre Jertnbanegate 4 i Bergen kjøpstad.

Nille [A14](#) **Nilsdtr** fann seg ektemann frå Sætrret på [Herdla](#). **Martinius Knutson**, son til [Bygselm](#). **Knut Haldorson** og **Malene Arnesdtr**, f 31/8-,dpt Herdla krk. [19/9-1858](#)[\[#47\]](#), konf Herdla [5/10-1873](#)[\[#9\]](#). Dei gifta seg i Herdla krk. [14/11-1883](#)[\[#25\]](#). Dei fekk ein stor ungeflokk: **Malene Stefine** [A141](#) f 3/7-, dpt Herdla [27/7-1884](#)[\[#25\]](#), konf Herdla [1/10-1899](#)[\[#61\]](#). **Ingeborg Oline** [A142](#) f 14/8-, dpt [11/9-1887](#)[\[#32\]](#). konfirmert [21/9-1902](#)[\[#52\]](#). **Kathrina** [A143](#) f 13/7-, dpt [11/8-1889](#)[\[#28\]](#), konf [2/10-1904](#)[\[#9\]](#). **Martine Nikoline** [A144](#) f 2/3-, dpt [30/3-1891](#)[\[#25\]](#), konf [16/9-1906](#)[\[#56\]](#). **Nanna** [A145](#) f 19/4-, dpt [28/5-1893](#)[\[#33\]](#), konf [4/10-1908](#)[\[#8\]](#). **Oline** [A146](#) f 18/8-, dpt [13/10-1895](#)[\[#18\]](#), konf [18/9-1910](#)[\[#7\]](#). **Karl Johan** [A147](#) f 2/4-, dpt Herdla [14/5-1899](#)[\[#21\]](#), konf [20/9-1914](#)[\[#9\]](#). **Anna Sofie** [A148](#) f 28/7-, dpt [15/9-1901](#)[\[#41\]](#), konf [1/10-1916](#)[\[#136\]](#). **Nils Mikal** [A149](#) f 20/7-, dpt [6/9-1903](#)[\[#33\]](#), konf [29/9-1918](#)[\[#11\]](#).

Familien hadde ved [FT1900](#) bustadsadresse Sætre under Herlø gnr 15/1 i Herdla. Dei budde same stad også ved [FT1910](#).

DISgravminner fortel at **Nille** [A14](#) **Nilsdtr** døydde [11/1-1942](#), gravl 16/1 s.å. **Martinius Knutson** døydde [10/2-1946](#), gravl 16/2 s.å. Dei kviler ved Herdla krk. - Dottera **Martine Nikoline** [A144](#) døydde [28/4-1934](#), gravl Herdla 5/5 s.å.

Kathrina [A143](#) gifta seg i Herdla krk [25/6-1914](#)[\[#7\]](#) med **Ivar Bertin Husebø**, son til gbr **Hans Olai Magnuson** og **Berte Iversdtr**, f [Husebø](#) 10/2-, dpt Herdla [26/2-1888](#)[\[#13\]](#). **Kathrina** døydde iflg DIS-

gravminner [4/11-1966](#), gravl 12/11 s.å medan **Ivar Bertin** døydde 1/5-1977, gravl 7/75 s.å. Dei kviler og ved Herdla krk.

Karl Johan [A147](#) finn vi hjå DISgravminner med dødsdato [24/10-1980](#), gravl v Meland krk. i Alversund 30/10 s.å. Han deler gravminne med **Emma Birgitte Olsdtr**, død 22/6-1992, gravl 26/6 s.å.

Nils Mikal [A149](#) døydde [27/6-1988](#), gravl v Mæland krk 1/7 s.å. Han deler gravminne med **Karen Sofie** f 24/4-1904, død [14/10-1999](#), gravl 20/10 s.å.

Mathias [A2](#) fann seg kone på [Byrknesøy](#). Han gifta seg (Eivindvik prgj) [1/7-1851](#)[\[#23\]](#) med **Johanne Jonsdtr**. Forlovarar var *Peder Ottosen Qvernhellen* og *Peder Jacobsen Kalgraf*. **Johanne** var dotter til [Jon Kristenson](#) og [Anne Bendiksdtr](#). Ho var f på Byrknesøy 27/9-, døyp Eivindvik prgj. [6/10-1818](#)[\[#45\]](#) og konfirmert Eivindvik [15/9-1833](#)[\[#6\]](#).

Det ser ut til at dei fekk fire born: **Thrine** [A21](#) f [Rørdal](#) 25/5-, dpt Eivindvik prgj. [27/6-1852](#)[\[#43\]](#), død Rørdal [28/4-1868](#)[\[#17\]](#), gravl Eivindvik prgj. 5/5 s.å. **Nils Johan** [A22](#) f Rørdal 30/7-, dpt Eivindvik prgj [10/9-1854](#)[\[#71\]](#), konf Husøy [2/10-1870](#)[\[#15\]](#). **Andreas** [A23](#) f Rørdal 16/8-, dpt [19/9-1859](#)[\[#48\]](#), konf Husøy [3/10-1875](#)[\[#17\]](#). **Bernt** [A24](#) f Rørdal 12/5-, dpt [25/5-1863](#)[\[#36\]](#), konfirmert i Husøy krk. [12/10-1869](#)[\[#6\]](#). - [FT1865](#) plasserer familien på Rørdal lno 26, Husøy sokn, Eivindvik prgj.

Johanne Jonsdtr døydde på Rørdal [30/3-1873](#)[\[#14\]](#), gravl 7/4 s.å. **Mathias** [A2](#) gifta seg oppatt [3/4-1880](#)[\[#4\]](#) med **Anne Larsdtr**, dotter til [Lars Aslakson](#) og [Ingeborg Mathiasdtr](#), f Brimnes 7/3-, dpt Eivindvik prgj. [24/4-1848](#)[\[#129\]](#). Dewt vart notert at «*Hans første Ægteskab opløst ved døden, Attest fra Skifteretten af 26/2-80*» Nokre dagar etter bryllaupet, 21/4-1880 fekk dei ei dotter. Ho fekk [20/6-1880](#)[\[#29\]](#) namnet **Oline Johanne** [A25](#). Ho vart konfirmert i Husøy krk [22/9-1895](#)[\[#3\]](#).

Mathias [A2](#) møtte døden *på søen*. Han drukna [5/2-1896](#)[\[#5\]](#) og vart ikkje attfunnen.

Buskøen Sulen.



Nils Johan [A22](#) henta kona si frå [nordre Hjørnevåg](#) i Solund. **Stine Johansdtr** var f 16/1- , dpt [10/4-1873](#)[\[#17\]](#), konf 16/9-1888[u.nr]. Foreldra hennar var [Johan Olsen](#) og [Ragnhild Bertelsdtr](#). **Stine** og **Nils Johan** [A22](#) var foreldre til: **Ragna Johanne** [A221](#) f Hjørnevåg 14/12-1892, dpt Husøy [23/4-1893](#)[\[#3\]](#). **Magnus Johan** [A222](#) f 26/7-, dpt [2/9-1894](#)[\[#6\]](#). **Anna Josefine** [A223](#) f Hjørnevåg 1/2-, dpt [Husøy 29/3-1896](#)[\[#6\]](#). **Nikolai** [A224](#) f 6/2-1897(FT1910). **Sigurd** [A225](#) f 14/10-1899(FT1910). **Bertil** [A226](#) f 31/5-1901(FT1910). **Lyder** [A227](#) f 24/8-1904(FT1910). **Ingeborg** [A228](#) f 16/10-1907(FT1910). **Johanne Fredrika** [A229](#) f 12/4-1909(FT1910).

Andreas [A23](#) gifta seg med ei **Karine** f Husøy sokn 1867. Kyrkjeboka har dette året berre ei jente som høver; **Karine** , dotter til *tjener* [Christopher Corneliusen](#) og [Christine Christensdtr](#), fødd på [Indrevær](#) 1/7-, dpt [1/9-1867](#)[\[#41\]](#), konf Sulens kirke [1/10-1882](#)[\[u.nr\]](#).

Karine og **Andreas** [A23](#) vart foreldre til: **Martinius Johan** [A231](#) f [Rørdal](#) 15/12-1887, dpt Husøy [12/2-1888](#)[\[#1\]](#). **Kristine Mathilde** [A232](#) f Rørdal 15/11-1889, dpt Husøy [3/4-1890](#)[\[#1\]](#). **Kristoffer Johan**

A233 f Rørdal 30/3-1891, dpt Husøy [15/5-1892](#)[#1]. **Knut Andreas** **A234** f Rørdal 29/3-, dpt [14/5-1894](#)[#4]. **Anna Karine** **A225** f 15/5, dpt Husøy [14/6-1896](#)[#9].

Husfaren, **Andreas** **A23** mista, tilliks med far sin, livet på sjøen. Dei var i same båt. «*Omkommet på søen, Ikke gjenfundne*» vart det notert i kyrkjeboka. Ulukka var [5/2-1896](#)[#5]. Vi finn **Karine** og borna **Martinius** **A231**, **Kristine** **A232** og **Anna** **A226** i Øvregadde lille 28c ved [FT1900](#)

«*Solund gards og ættesoge til 1980*» fortel om etterkomarane til **Nils Olson** på sidene [246-247](#). Tittel på denne stubben er henta frå denne boka. Eg har elles hatt glede av å vera med etterkomarar av Nils for å helse på slekta si i Valdres.

Då er det tid for å ta fatt i han Ola Olson, som kom til Askvoll.



Området kring Vilnes kyrkje – frå Norgeskart.no

Ola var veslebror til Nils. **Ola** var døypt i Røn kyrkje [25/7-1802](#)[Hside,7.ovanfrå] med faddrar frå Fystro og Viste. «*Askvoll bygdebok 2B:Folket.ættarbok frå det 16. århundrad til 1969*» skriv på [side 808](#) *Ole Olson Øigard*.

Dei har kanskje teke utgangspunkt i innførsla i Ministerialboka for Askvoll for «*Det Borgerlige Aar 1829*» der **Ola**, 26 år gamal, fødd på «*Øigaard i Slidre, opholder sig i Skord*», vart gift med den jamgamle pige **Janiche Nilsd Skord**. Forlovarar var **Villatz Nore Folkestad** og **Hans Vaage**. Bryllaupet var [20/4-1829](#)[#3] i **Vilnes kyrkje**. - Tru om **Ola** og broren **Nils** kom frå Fystroøydgården ?

Jannike og **Ola** vart foreldre til: **Nils** **B1** f 15/3-, dpt [28/3-1830](#)[#50]. **Mari** **B2** f 10/9- dpt [17/9-1831](#)[#78], konf [11/10-1846](#)[#59]. **Nils** **B3** f 3/3-, dpt [7/3-1834](#)[#61], død [11/3-1834](#)[#37], gravl 15/3 s.å. **Olene** **B4** f 9/10-, dpt [1/11-1835](#)[#122], konf [6/10-1850](#)[#85]. **Nille** **B5** f 23/7-, dpt [29/7-1838](#)[#74](Olsok), konf [16/10-1853](#)[#38]. **Borni** **B6** f 1/6-, dpt [18/7-1841](#)[#90], død [1/10-1852](#)[#79], gravl v Vilnes krk 8/10 s.å.

Ola Olson døydde i [Skor 1/3-1853](#)[#21] og vart gravl ved Vilnes krk. 18/3 s.å. – **Jannike** vart både ved [FT1865](#) og [FT1875](#) registrert busett på Skar, løpenr 173 i Askvoll. Ho døydde [5/7-1879](#)[#3], og vart lagt til kvile ved Vilnes kyrkje 12/7 s.å.

Garden **Skor/Skaar** vart etter grenseendring i 1990 lagt til Fjaler kommune. Sjå artikkelen «[Askvoll kommune – grenser og grenseendringer](#)» hjå nettsida til Fylkesarkiver i Sogn og Fjordane.

Mari Olsdr **B2** gifta seg [29/10-1852](#)[#13](Askvoll prgj) med **Jakob Knutson**, son til **Knut Jakobson** og **Kari Rasmusdtr**. **Jakob** var f på Krakken, Øn sokn i Askvoll prgj 27/8-, dpt Øn kyrkje [9/9-1827](#)[#85]. **Øn kyrkje** høyrer i 2016 til i Hyllestad kommune.Garden **Krakken** ligg på same tid nord på Sula i Solund kommune.

Mari og **Jakob** fekk ein stor ungflokk, alle fødde på Skor: **Birthe Carine** **B21** f 20/9-, dpt [26/9-1852](#)[#91], død [6/1-1854](#)[#8], gravl ved Vilnes krk 9/1 s.å. **Oline Birgitte** **B22** f 18/8-, dpt [10/9-1854](#)[#87], konf [3/10-1869](#)[#2], død [16/4-1877](#)[#26], gravl v Vilnes krk. 17/6- s.å. **Rakel** **B23** f 8/1-, dpt [22/3-1857](#)[#25], konf [6/10-1872](#)[#2]. **Knut** **B24** f 1859, død [14/9-1860](#)[#97], gravl 20/9 s.å. **Kolbein Mathias** **B25** f 9/8-, dpt [15/10-1861](#)[#114], konf [8/10-1876](#)[#29]. **Johan Mathias** **B26** f 4/10-, dpt [22/11-1863](#)[#105], konf [6/10-1878](#)[#23]. **Cornelius** **B27** f 16/5-, dpt [1/7-1866](#)[#46], konf [2/10-1881](#)[#2]. **Jakobine Marie** **B28** f 8/1-, dpt [28/3-1869](#)[#16], konf [5/10-1884](#)[#1]. **Nikolai** **B29** f 8/10-, dpt [7/1-1872](#)[#6], konf [3/10-1886](#)[#4]. **Henrik Johan** **B2A** f 8/10-1871, dpt [7/1-1872](#)[#7], konf [3/10-1886](#)[#5]. **Ingeborg** **B2B** f 14/10-1874, dpt [3/1-1975](#)[#5], konf [29/9-1889](#)[#7].

Vi finn familien i [FT1865](#) busett på Skaard lno 173 i Askvoll prgj. [FT1875](#) syner familien (1-10) på løpenr 173 Skaar. Skaar fekk teljingsnr. 12 i krins 6b ved [FT1891](#) i Askvoll. **Mari Olsdtr** døydde på Skor [3/4-1900](#)[#9], gravl Vilnes kyrkjegard 10/4 s.å. **Jakob Knutson** var såleis enkjemann på Skaar ved [FT1900](#). Han døydde på Skaar [6/12-1903](#)[#6], gravl ved Vilnes krk 14/9 s.å, jordfesta 12/12 s.å.

Rakel [B23](#) **Jakobsdtr** gifta seg i [Askvoll krk. 21/7-1896](#)[#5]. Karen som hadde «*gjort sine hoser grøne*» var **Endre Kornelius**, son til gardfolka **Ide Corneliusdtr** og **Ola Endreson** på [Haavåg](#). **Endre** og **Rakel** [B23](#) fekk dottera **Inga Olufine** [B231](#), f 3/6-, [13/7-1899](#)[#16], konf Askvoll krk. [27/9-1914](#)[#7]. Dei vert nemnde i . «*Askvoll bygdebok 2B:Folket.ættarbok frå det 16. århundrad til 1969*» på [side 431](#). Bygdeboka nemner ein fostergut, men han var ikkje med ved [FT1900](#) og [FT1910](#).

Ho **Rakel** [B23](#) **Jakobsdtr** døydde [30/1-1945](#), gravl 7/2 s.å. **Endre Kornelius** døydde [21/4-1948](#), gravl på Askvoll kyrkjegard 30/4 s.å.

Inga Olufine [B231](#) gifta seg i [Johanneskyrkja](#) i Bergen [27/9-1914](#)[#47] med **Lauritz Andreas Fure**, f på [Fure](#) 31/1-, dpt Askvoll krk [22/2-1891](#)[#3], konf [1/10/1905](#)[#6]. Ved [FT1900](#) budde han saman med foreldre og sysken på Furre gnr 34/7 i Askvoll. Foreldra heitte **Jakob Olsen** og **Anne Madsdtr**. **Inga Olufine** [B231](#) døydde [6/6-1966](#), gravl 11/6 s.å. - **Lauritz Andreas** døydde 31/10-1968, gravl 7/11 s.å. Ektefolka kviler på Askvoll kyrkjegard.

Det ser ut til at **Inga Olufine** [B231](#) og **Lauritz Andreas** hadde borna **Ruth** [B2311](#) f 12/3, dpt Askvoll krk. [28/6-1925](#)[#16], død [19/8-2000](#) og **Einar** [B2312](#) f 23/3-, dpt Askvoll [23/5-1926](#)[#9], død [11/8-1990](#), gravl 16/8 s.å. Dei er baa gravlagde på [Hellevik gravplass, Fjaler](#).



Postkort Hellevik-Gjølaniger

Kolbein Mathias [B25](#) fann seg gifte frå Sula, **Andrine Karoline Olsdtr**. Foreldra hennar var iflg *Solund gards og ættesoge til 1980* [side 469](#) **Ole Johan Johannesen** og **Synnøve Mathiasdtr Krakken**.


Andrine og **Kolbein Mathias** vart foreldre til døtrene **Marie Cecilie** [B251](#) f Skor 17/4-, dpt Vilnes krk. [8/6-1897](#)[u.nr.], død [27/11-1918](#), gravl 5/12 s.å. på [Folkestad gravplass, Fjaler](#). Familien budde på Skaar ved [FT1910](#). **Oline Judith** [B252](#) f Skor 29/12-1906, dpt Askvoll [29/3-1907](#)[#8]. Ho gifta seg i 1931 med **Reidar Ekløv Aas**. Han kom frå Hadsel i Vesterålen, var son til **Martin Aas** og **Olianna Ekløv** og var f 20/10-1902 på [Brakset](#) i Hadsel, ikkje langt unna Trollfjorden (sjå [s 117 i pdf-fil](#) hjå Hadsel kommune). Hjå DISgravminner finn vi at **Reidar** døydde [26/4-1992](#), gravl 20/10 s.å. medan **Oline Judith** døydde [13/9-1997](#), gravl 19/9 s.å. Dei vart gravlagde på Folkestad gravplass.

Det ser ut til at paret hadde tre born: **Olaug Margrethe** [B2521](#) f 27/1-1934, død [9/2-1950](#), gravl 16/2 s.å. **Olav Reidar** [B2522](#) f 29/12-1940, død [3/6-2003](#), gravl 10/6 s.å. **Kolbjørn Arne** [B2523](#) f 22/2-1944, død [14/4-1959](#), gravl 22/4 s.å. – Dei kviler , som foreldra, på Folkestad gravplass.

Johan Mathias ^{B26} hadde og vore på friartur til Sula. Han gifta seg i [Solund krk. 18/6-1894](#)^[#1] med **Marie Olsdtr.**, f på [Kråkenes i Solund](#) 28/12-1869, dpt Vilnes krk. [16/4-1870](#)^[#19]. Ho var syster til svigerinna **Andrine**. Foreldra hennar var grdm [Ole Johannesen](#) og [Synnøve Mathiasdtr.](#) Dei er nemnde på [side 469](#) i «[Solund gards og attesoge til 1980](#)»

Johan Mathias ^{B26} og Marie fekk desse borna: **Olga Sofie** ^{B261} f Solund 24/2-, dpt [Hersvik krk. 21/4-1895](#)^[#1]. **Jakob Martin Berg** ^{B262} f Kråkenes 26/8-, dpt [Hersvik krk. 3/10-1897](#)^[#7]. **Johanne Marie** ^{B263} f Kråkenes 11/10-, dpt [Hersvik krk. 26/12-1899](#)^[#7]. **Johanna** ^{B264} f 17/4-1903 og **Helga** ^{B265} f 2/11-1909. - Vi finn familien i [FT1900](#) på Kraakenes gnr 56/1 i Solund og på same bustad, no skrive Kraakenes nordre, ved [FT1910](#).

De finn panteregisterside for eigedomen [hjá DA her](#). Det syner seg at storebror til **Johan Mathias**, **Kolbein Mathias** og kona **Andrine** skøytt eigedomen over til veslebroren (Johan Mathias) med skjøte 22/10, tgl. 3/12-1894. Her er vidare notert at heimel vart overført frå **Jakob Martin Berg Kråkenes** ^{B262} til sonen **Magne Johan** ^{B262X} – datert 29/6, tinglyst 21/7-1931.



Cornelius ^{B27} la friarvegen sin på fastlandet. Kona hans var fødd på Haugland i Flekke, i Fjaler prgj. Ho var dotter til gardfolka [Ola Endreson](#) og [Edda Korneliusdtr.](#) Ho kom til verda 23/1-, og fekk namnet **Tine Marie** i [Holmedal krk.](#)(Askvoll) [5/3-1865](#)^[#3].

[FT1900](#) syner at paret budde på [Folkestad søndre, gnr 78/2](#) i Askvoll herad – dei hadde då ein udøypt son. Guten, som var fødd 5/11-1900 fekk i Vilnes kyrkje [6/1-1901](#)^[#1] namnet **Martin** ^{B271}, død [17/12-1950](#), gravl Folkestad gravplass 22/12 s.å. Så kom dottera **Olga Johanne** ^{B272} f Folkestad 29/12-1904, dpt Askvoll [24/4-1905](#)^[u.nr.], død [3/4-1926](#), gravl Folkestad 12/4 s.å. Sonen **Herman Nikolai** ^{B273} vart f 5/12-1908, dpt Vilnes krk [12/4-1909](#)^[#4], død [11/10-1991](#), gravl Fredlund gravplass, Naustdal i Sunnfjord 18/10 s.å. Han deler gravminne med **Maria A Folkestad** 15/11-1908 – [19/12-1998](#). Dette ser ut til å vera dotter til gardfolka [Arne Johannesson](#) og [Pernille Madsdtr.](#), fødd på [Espehaug](#), døypt [27/12-1908](#)^[#33] i Naustdal kyrkje. Familien budde på [Espehaug](#) ved [FT1910](#).



Postkort Naustdal

Nikolai ^{B29} starta ekteskap i Solund krk. [5/5-1896](#)^[#2]. Brur var gardbrukardotter **Sofie Andrine Johannesdtr.**, f Næssen i Solund 29/3-, dpt Solund krk. [25/5-1874](#)^[#5]. Foreldra var [Johannes Ellingsen Næssen](#) og [Marthe Johannesdtr.](#)

Ungane kom som perler på snor: **Jakob** [B291](#) f Næssen 13/6-, dpt Solund krk [16/8-1897](#)[#8], død [11/8-1972](#), gravl Folkestad 17/8 s.å. **Marta** [B292](#) f Næssen 9/1-, dpt Solund [7/4-1898](#)[#1]. **Johannes** [B293](#) f Folkestad 1/12-, dpt Vilnes krk. [10/12-1899](#)[#12], død [28/10-1918](#), gravl Folkestad gravplass. Så kom **Marie** [B294](#) f Folkestad 7/6-, dpt Askvoll krk. [3-9-1900](#)[#12]. **Marie** [B295](#) f 7/6-, dpt [3/9-1901](#)[u.nr].

Familien budde ved [FT1900](#) på Folkestad nordre gnr 77/4 i Askvoll herad. Innan [FT1910](#) hadde dei flytta til Folkestad søndre, gnr 78/5. Ved baa teljingane er **Anne** (Gurine) **Johannesdtr** f 1/3-, dpt Solund [26/3-1865](#)[#4] tenestjente og står for «*kreaturstel*».

Eg trur det er **Nikolai** [B29](#) som døydde 11/5-1946, han vart gravlagd 16/5-1946.



Henrik Johan [B2A](#) fann seg ektefelle i nærområdet. Han gifta seg [14/7-1896](#)[#4] med **Berntine Arnesdtr** frå søre Folkestad. Ho var fødd 9/1-, dpt i Vilnes krk. [29/3-1868](#)[#16], konfirmert Vilnes krk. [1/10-1882](#)[#1]. Ho var dotter til gardfolka **Arne Torsteinson** og **Oline Jonasdtr**.

Berntine og **Henrik Johan** [B2A](#) fekk borna: **Jenny Oline** [B2A1](#) f 28/10-1896, dpt Vilnes krk. [3/1-1897](#)[#1]. **Jakob Martin** [B2A2](#) f 15/1-, dpt Vilnes [11/4-1898](#)[#6], konf [22/9-1912](#)[#5], død [3/2-1949](#), gravl Folkestad 11/2 s.å. **Anna** [B2A3](#) f 20/12-1899, dpt [16/4-1900](#)[#4], konf [27/9-1914](#)[#6]. **Olga** [B2A4](#) f 17/10-1900, dpt Askvoll [7/1-1901](#)[#2].

Familien budde ved [FT1900](#) på Folkestad, søndre gnr 78/4. **Henrik Johan** [B2A](#) døydde av tæring [3/5-1903](#)[#4], gravl Folkestad 11/5 s.å. Enkja **Berntine** gifta seg oppatt med **Henrik Berntsen** Folkestad i Vilnes krk [10/2-1907](#)[u.nr]. Familien vart registrert på Folkestad søndre gnr 78/6 ved [FT1910](#).



Fureneset mot Atløy og Askvoll – Les gjerne «[Futegard og fagsenter](#)»

Då går vi over til ho **Olene** [B4](#) **Oldstr**. Ho gifta seg [25/6-1869](#)[#8] med **Mads Davidson**, son til inderst-paret på *Furre*, **David Jensen** og **Aalette Madsdtr**. **Mads** var f 7/6-, dpt [10/6-1848](#)[#54], konf [4/10-1863](#)[#5]. [FT1865](#) syner han som tenestegut hjå foreldra på Fure.

Olene og **Mads** får borna, alle fødte på Fure: **Ole Johan** [B41](#) f 29/9-, dpt Askvoll [31/10-1869](#)[#59], konf Askvoll [5/10-1884](#)[#21]. **David Johan** [B42](#) f 16/1-, dpt [22/1-1871](#)[#13], konf [4/10-1885](#)[#17], emigrerte


frå Bergen [25/2-1890](#). **Bernt Andreas** [B43](#) f 19/7-, dpt [22/9-1872](#)[\[#90\]](#), konf [9/10/1887](#)[\[#12\]](#). **Anne Johanne** [B44](#) f 30/12-1874, dpt [27/3-1875](#)[\[19\]](#), konf [29/9-1889](#)[\[#14\]](#). **Oline Marie** [B45](#) f 28/1-, dpt [8/4-1877](#)[\[#24\]](#), konf [4/10-1891](#)[\[#18\]](#). **Janike Ovidia** [B46](#) f 14/9-1881, dpt [1/1/1882](#)[\[#1\]](#), konf [20/9-1896](#)[\[#4\]](#).

Bernt Andreas [B43](#) finn vi som brudgom i Askvoll krk. [12/4-1895](#)[\[#7\]](#). Han gifta seg då med **Thea Karine Hansdtr** frå Furset(*Fuhrsaeth*). Ho var dotter til «*Tjenestefolk*» **Hans Arneson**(Folkestad) og **Birgitta Karlsdtr**, (g [6/6-1872](#)[\[#2\]](#)) f 24/6-, dpt Askvoll [19/7-1874](#)[\[#71\]](#). Borna, dei fem eldste notert fødde på Fure, var; **Hanna** [B431](#) f 10/8-, dpt [15/9-1895](#)[\[#20\]](#). Tvillingane **Magnus Olai** [B432](#) og **Vilmar Johannes** [B433](#) f 18/6-, dpt [28/8-1898](#)[\[#14,15\]](#). - **Magnus Olai** [B432](#) døydde av 'hjernebetennelse' 28/11-1898[\[#9\]](#), gravl Askvoll 3/12-s.å. **Martin Olai** [B434](#) f 23/3-, dpt [13/5-1900](#)[\[#11\]](#)., **Bernhard Theodor** [B435](#) f 11/2-, dpt [30/3-1902](#)[\[#3\]](#). **Margit** [B436](#) f **Lammethun** 3/8-, dpt ... , konf Askvoll [14/12-1990](#)[\[#27\]](#). **Borghild** [B437](#) f 21/8-1906 , **Anton** [B438](#) f Midtbø 20/6-, dpt [19/9-1909](#)[\[#19\]](#). Familien er nemnd i *Askvoll bygdebok 2A:Folket*, [side 448](#). – Vi finn familien i [FT1900](#) som husmannsfolk på Ottermyren under gnr 34/11 i Askvoll herad. [FT1910](#) fortel at bustaden var Fure(Midtbø) gnr 34 i Fure teljekrins. [1910-teljinga](#) syner vidare at **Hanna** [B431](#) då var tenestjente på Fure(Nordnes(, gnr 34.

Anne Johanne [B44](#) finn vi som brur, i [Nykirken](#), Bergen, [17/7-1907](#)[\[#143\]](#). Ho gifta seg då med **Nils Andreas Hansen**, gbr Askevold. Han var son til *skipsfører* **Fredrik Hansen** (f 1835) og **Hanne Georgine Pedersen**(f1838), f Rode5, nr.98 12/11-, dpt [Nykirken 7/12-1873](#)[\[#155\]](#). Dei fekk sonen **Fredrik Vilhelm Midling** [B441](#) i Strømmen 16/3, dpt Askvoll [26/4-1908](#)[\[#13\]](#) og dottera **Hanne Sofie Midling** [B442](#) i Strømmen 1/9-1909, dpt Askvoll [24/10-1909](#)[\[#16\]](#). Familien budde i [Strømmen](#), gnr 27/1 i Askvoll ved [FT1910](#), men har ikkje lenge etter flytta til Bergen. Her fekk dei borna (fødde på Fødselsstiftelsen): **Vilhelm Kristian Midling** [B443](#) f 31/3-, dpt [5/4-1911](#)[\[#56\]](#). **Solveig Alvine Midling** [B444](#) f 18/10-, dpt [29/10-1913](#)[\[#9\]](#). **Ole Martin Midling** [B445](#) f 19/9-, dpt [26/9-1917](#)[\[#149\]](#). * MyHeritage har ein opplysning om at *Solveig Alvine* vart gift med [Magnus Værøy](#).

Ho **Oline Marie** [B45](#) finn vi ved [FT1900](#) som *sylærling* på Kjeldingsnæs under gnr 32/1 i ytre Holmedal herad. Ho og lausarb. **Magnus Nikolai Bakkebø** får dottera **Sylvia Margrethe** [B451](#) på [Bakkebø](#) 13/7-1901, dpt [Holmedal krk. 18/8-1901](#)[\[#15\]](#). Sonen **Peder Andreas** [B452](#) vart fødd på Bakkebø 16/12-1902, dpt Holmedal [18/1-1903](#)[\[#2\]](#). **Magnus Nikolai** var fødd på Bakkebø 3/8- , dpt Holmedal krk. [17/9-1871](#)[\[#20\]](#).

Gift tømmermand **Magnus Nikolai Bakkebø** reiser med Allan Line frå Bergen [15/4-1903](#). Han har nok gjeve melding om at han ynskjer at familien kjem etter, [Oline Marie](#), [Sylvia Margrete](#) og [Peder Andreas](#) reiser frå Bergen 10/10-1904 med [Anaconda, Montana](#) som reisemål.



Anaconda, Montana

Nille Olsdtr [B5](#) sto brur i Askvoll krk. [7/1-1873](#)[\[#1\]](#). Ho gifta seg då med *enkemand* **Ole Endreson Skar** f i [Vindeim](#) i ytre Holmedal 20/8-, dpt [23/8-1829](#)[\[#72\]](#), konf [6/10-1844](#)[\[#10\]](#). Foreldra hans var [Endre Rasmussen](#) og [Madsj Jensdtr](#). Eg undrast på om det er han og familien hans som bur på [Hougland](#) lno 92b ved [FT1865](#). Han hadde gifta seg med [Idde Corneliusdtr](#) [20/6-1864](#)[\[#19\]](#).

Nille og Ole fekk borna (alle fødte på Håvåg i Askvoll prgj.): **Sivert Olai** ^{B51} f 15/3-, dpt [13/4-1873](#)^[#14]. **Iver Olai** ^{B52} f 20/8-, dpt [29/11-1874](#)^[#46], konfirmert [29/9-1889](#)^[#9]. **Olaf Nikolai** ^{B53} f 6/2-, dpt [22/4-1877](#)^[#39], konf [4/10-1891](#)^[#17]. **Johan Mikal** ^{B54} f 1/11-, dpt [1/1-1880](#)^[#2], konf [30/9-1894](#)^[#10]. **Robert Johannes** ^{B55} f 17/2-, dpt [6/4-1882](#)^[#7], konf [20/9-1896](#)^[#6]. **Oline Birgitte** ^{B56} f 17/11-1886, dpt [6/2-1887](#)^[#4], konf [6/10-1901](#)^[#7].

FT1891([krins 4, liste 35](#)) syner at **Ole Endreson**, Nille Olsdtr og borna **Olaf Nikolai**, **Johan Mikael**, **Robert Johannes** og **Oline Birgitte** budde på Håvåg. ([Husliste](#)), Her bur og Riborg Endresdtr(f1822) og Endre Olson, son til Ole fyrste ekteskap, Personsedlar [f.o.m.](#) – [t.o.m.](#) - **Nille, Ole** og **Olaf Nikolai** ^{B53} budde ved [FT 1900](#) på Håvåg gnr 33/4 i Askvoll herad. Sonen til **Ole** frå fyrste ekteskap, **Endre Olson** var gardbruker her. **Endre** var også brukar ved [FT1910](#), no var **Nille Olsdtr** enkje og føderådskone.

Ole Endreson døydde på Håvåg [26/4-1905](#)^[#8] og vart gravlagd 5/5-s.å. på Askvoll kyrkjegard. **Nille Olsdtr** døydde, 88 år gamal, på Håvåg [28/7-1923](#)^[#9], gravl Askvoll kyrkjegard 4/8 s.å.

Hjå DISgravminner finn eg at **Olaf Nikolai** ^{B53} vart gravl. på Holmedal kyrkjegard, [19/9-1953](#). Systera **Oline Birgitte** ^{B56} finn eg på same kyrkjegard, død [6/7-1961](#), gravl 14/7 s.å.

Robert Johannes ^{B55} gifta seg i Askvoll [1/6-1909](#)^[#1] med **Nikoline Johanne Jensdtr** frå Stafnes. Ho var dotter til **Jens Nilson** og **Anne Dorthé Jensdtr**, f 4/7-, dpt Askvoll krk. [13/8-1882](#)^[#17], konf Askvoll [3/10-1897](#)^[#8]. Paret budde ved [FT1910](#) på Solbakken gnr 11/1 i Stafnes krins i Askvoll. Dei hadde då sonen **Odd** ^{B551} f [Gjerde](#) 9/3-, dpt Askvoll [10/4-1910](#)^[#10], konfirmert Odda [5/4-1925](#)^[#3].

«[British Aluminium](#)» var arbeidsplassen til **Robert Johannes** i 1910. De kan lesa meir om aluminiumproduksjonen i Stongfjorden på nettsida om [industrihistoria i Askvoll](#) (sidene 19&20). Det ser ut til at **Robert Johannes** held fram innan metallframstilling, han vart skriven 'Cyanamidf. arb,' då sonen **Nils** ^{B552}, f 3/7, vart fødselsmeld i Odda [23/8-1918](#)^[#68]. Lat meg ta ein liten digresjon: guten #66 i fødselsregisteret – to liner ovanfor Nils, har far sin frå Røn, **Nils** ^{B552} har oldefar sin frå same bygd.

Robert døydde iflg DISgravminner [4/4-1964](#), gravl Berjaflot, Odda. (Nikoline) **Johanna** døydde [10/10-1962](#), gravl Berjaflot. **Nils** ^{B552} **Håvåg** døydde [27/12-2007](#).



Postkort frå Stongfjorden

Blikk stillt på Ølsjøen – storm i Nordsjøen Litt av ein overgang gutane or Vestringsbygden fekk smaka

- Når nokon går fyrst, kjem andre etter -

«Så dukkar mange minne frå ein lang fagtur til Rogaland fram. Kor annsamt valdrisane fekk det med å koma ned på næraste stol med kaffekoppen og kaka då ferja frå Karmøya kom om neset mot fritt hav og tok til rugge skikkeleg på seg. Det rare var at mannskapet gjekk heilt like støtt med sitt bestikk. **Litt forskjell på kystfolk og fjellbonde** i så måte, det er ingen som ber på kaffekoppen når båten vaggar på Hela».


(Gunnar Hauge frå [30-års meldinga for Valdres Forsøksring i 2002.](#))

Vi får starte saga på Kjørstad (**Kjøssta**) i Vestringsbygden i Nord-Aurdal. **Trond Erikson** og kona **Marit Knutsdotter** (frå Hjelle) fekk m.a. borna **Erik** (dpt [28/7-1754](#) [V side, nedst], **Knut**, døypt i [Aurdal kyrkje 24. oktober 1756](#) [H side, 4. ovanfrå] og **Berit**^K dpt 24. april 1764 [V side, nedst]. –

Erik vert eigar av garden og **Knut**^L vert husmann hjå bror sin på Kjøssta. **Knut** vert [24. juli 1787](#) [V side, nest nedst] gift med **Guri Amundsdotter**, døypt [30. november 1760](#) [H side, øvst], dotter til **Amund Julson** Syndvøll og kona **Else Knutsdotter** frå Nordby i [Hedalen](#).

Knut^L og **Guri** vert foreldre til denne barneflokken: 1) **Trond** dpt [30/9-1787](#) [H side, 3. nedanfrå] 2) **Amund** dpt [28/6-1789](#) [V side, 8. nedanfrå] *truleg død før neste gut som òg får namnet* 3) **Amund** dpt [22/8-1790](#) [V side, 8. nedanfrå] 4) **Marit** dpt [22/5-1792](#) [V side, 10. ovanfrå], *gravlagd i Aurdal i april månad s.å.*, 11 dagar gamal (*Ho er vel fødd i april – og innført i KB i mai*) 5) **Else** dpt [6/4-1794](#) [V side, 2. ovanfrå] 6) **Erik** dpt [10/4-1796](#) [H side, nedst] 7) **Tølleiv** dpt februar 1798 [H side, nedst].

Berit^K vert gift i Aurdal [15/7-1793](#) [V side, 12. ovanfrå] med **Arne Bjørnson** (Dahle). Fyrste barnet deira får namnet **Bjørn**, og han vert døypt i Aurdal kyrkje [11/8-1793](#) [V side, 3. nedanfrå], ein knapp måned etter at foreldra gifta seg.



Om boka



Vestringsbygde – Kjørsta markert

Både brørne **Trond**, **Amund** og **Erik Knuts-søner** samt syskenbarnet **Bjørn Arneson**^{BA} kjem til å få storparten av liva sine vest for Langfjella. Men før vi legg ut på den store reisa tek vi ein tur innom Vestringsbygde, der strid om [garden Kjøssta](#) vert årsak til eit [dobbeltdrap](#), etter strid om eigarskap etter **Erik Trondsson**, storebror til **Knut**^L Trondsson.

Ved [teljinga i 1801](#) finn vi **Trond**, **Amund** og **Erik** saman med foreldra som er innerstfolk på Kjøssta. Vi finn og besteforeldra til gutane som føderådsfolk.

Neste gong vi treffer **Trond** er [12. oktober 1818](#) [H side, 5. ovanfrå], då døyper han sonen **Carsten** i [Vilnes kyrkje](#). Mor til **Carsten** heiter **Jørnille Olsdotter**. Paret er nemnde '[Læknæs-sund](#)'. Eg har ikkje greidd å finne innførsle av giftarmålet. Dottera **Synnev** vert døypt [12. mars 1820](#) [H side, 12. ovanfrå]. Men vesle **Synnev** dør alt i mai s.å., og vert gravlagd ved Vilnes kyrkje [4. juni 1820](#). [H side, 14. ovanfrå]. Det neste barnet, **Søren**, får heller ikkje noko langt liv, kyrkjeboka fortel at han dør 1/6- og vert [gravl. 16. juni 1822](#) [# 27], 16 veker gamal.

Ved matrikuleringa 1838 er **Trond Knutsen** oppført som «Opsidder» på [Lno. 98b](#), Leknesund i «Askevolds præstegjeld, Vilnæs Annex». Broren **Amund Knutsen** er nemnd på Lno. 98a.

Anne Trondsdr vert [f 6/4- og døypt 13/4-1823](#) [# 33] i Vilnes kyrkje. Ho vert [konfirmert 28. oktober 1838](#) [# 56] i [Askvoll prestegjeld](#). Vi er no i eit område der det er fornuftig å lesa [soknehistorikken](#) og å sjå karta over skiftande [prestegjeldsgrenser](#).

Trond Knutson og sonen **Carsten Trond-son** finn vi så ved [innførsle # 3 og 4 for 1841](#). Dei er innført med dødsdato 'Decbr 31'. «*Omkomne paa Søen og ei gjenfundne*», står det å lesa.



Det vert difor **Anne Trondsdotter** som fører slekta vidare. Ho står brur i [Vilnes kyrkje 23. juli 1842](#)^[# 15]. Brudgommen heiter **Lars Hansen**.

Lars er fødd i Leknessund 22/6- og [døpt i Vilnes kyrkje 25. juni 1820](#)^[IV side, 5. ovanfrå]. Foreldra hans er *Hans Østensen* og *Janiche Corneliusdtr.* Han vert [konfirmert 9. oktober 1836](#)^[# 7] i Vilnes. Ein kan òg legge merke til at ein av forlovarane når **Anne** og **Lars** giftar seg er **Amund Knutson**, farbror til Anne. Vi kjem seinare attende til han.

Barneflokket til **Lars** og **Anne** funne i Kyrkjebøkene, er desse: **1) Jonas** f 6/6-, [dpt 9/7-1843](#)^[# 80], [konf 10/10-1858](#)^[# 3]. **2) Hellene** f 19/1-, [dpt 19/6-1845](#)^[# 6], [konf 30/9-1860](#)^[# 10]. **3) Thrine** f 10/8-, [dpt 13/8-1848](#)^[# 73], [konf 4/10-1862](#)^[# 10]. **4) Gregorius Martinus** f 25/2-, [dåpsinnf. 23/5-1852](#)^[# 62], [død 12/4-1852](#)^[# 39], gravl. ved Vilnes 23/5-1852. **5) Johannes** f 7/6-, [dpt 9/7-1854](#)^[# 78], [konf 2/10-1870](#)^[# 12]. **6) Karl** f 2/4-, [dpt 30/5-1858](#)^[# 85], [konf 5/10-1873](#)^[# 11].

Helene, Trine, Johannes og **Karl** er registrert saman med foreldra på [Lno 98b i Vilnes sokn, Askvoll prgj. ved teljinga i 1865](#). Ved «den reviderte matrikkelen»^{*1} [1886](#) er Lno 98b registrert med eigar «*kirkesanger Aurevik*». No har eigedomen fått gardsnummer 54, bruks-nummer 3.

Helene Larsdtr [giftar seg 22. mai 1877](#)^[# 7] med **Hans Johan Pedersen** f 10/7- i Leknes-sund, [dpt 4/8-1850](#)^[# 74]. Han er son til *Peder Hansen* og *Helene Jørgensdtr.* [Ved teljinga i 1900](#) bur **Helene** og **Hans Johan** på gnr. 54/3 i [Solund herad](#). Dei har sonen **Peter**, f 17/8-, [dpt 26/10-1879](#)^[# 23]. **Helene** og **Hans Johan** får og sonen Thomas f 6/4-1889^[# 4], [død 9/5 same år](#)^[# 4].

Peter Hansen giftar seg [20. august 1901](#)^[# 1] med **Johanne Andreasdtr** i [Hersvik krk](#), Solund.

Trine Larsdtr har nok vorte godt kjend med ein eldre bror av den komande svogeren sin. **Henrik Pedersen** f 29/6-, [dpt 5/9-1847](#)^[# 75] seier «Ja» til Trine [den 29. juni 1873](#)^[# 15]. Dei har sonen **Christopher** f 1874, [død i Leknessund 9/6-1889](#)^[# 9].

Johannes Larson har truleg vore på friarferd litt lengre unna heimstaden. [22. juni 1882](#)^[# 7] giftar han seg i Vilnes kyrkje med **Andrea** (*skrive Andrine i KB*) **Akseldtr**, fødd på Skarnagelnæs i Eivindvik sokn, [16/11-1846](#), [døpt 6/4-1847](#)^[# 28] i Gulen prgj. Foreldre er Axel Iverson og Gjertrud Jonsdtr. Ved [teljinga 1865](#) er ho nemnd **Andrina Axelsdatter**. Ho er då tenestjente på [Krakken](#) i noverande Solund kommune.

Karl Larson har funne 'kjerringemne' frå nordsida av [Buefjorden](#). Kona heiter **Anne Malene Jonasdtr** og er fødd på [Melværet](#) på Værlandet 19/2-1856, [dpt 23/3 s.å.](#)^[# 30] i Vilnes kyrkje. Her vert **Anne Malene** og **Karl** «*smidde i Hymens lekkjer*» 21. oktober 1889. Dei vert foreldre til: **1) Jonas** f 16/9-1890^[# 1], [død 7/12 s.å.](#)^[# 2]. **2) Anton Johannes** f 23/9-, [dpt 19/10-1894](#)^[# 18], [konf 3/10-1909](#)^[# 13]. **3) Theodor** f 28/2-, [dpt 16/5-1897](#)^[# 4]. **4) Dina** f 27/10-1898, [dpt 8/1-1889](#)^[# 1], [død 16/3-1900](#)^[# 3]. – **Anne Malene** døyr [døyr 13. januar 1900](#)^[# 1], og vert 4. februar s.å. gravlagd ved Vilnes kyrkje. På denne sida i KB er fleire notert med same dødsårsak som **Anne Malene**. Fyrst i 1914 kjem ei [vaksine](#) mot denne folkesjukdommen.

Ved [teljinga 1900](#) finn vi **Karl** og sønene registrert på [Sandøen 66/2](#) i Askvoll. **Karl** [giftar seg opp att 30. august 1901](#)^[# 7] med enkja **Hanna Kathrine Soltvedt** f 28/3-, [dpt 28/4-1861](#)^[# 56], dotter til Ivar Nilsen (Steenland) og Synneva Hansdtr. **Hanna Kathrine** og **Karl** får borna **Magnus** f 14/7-, [dpt 20/9-1902](#)^[# 12] og **Ragna Henriette** f 22/7-, [dpt 25/9-1904](#)^[# 9]. **Karl** og **Hanna** samt sønene frå fyrste- og **Magnus** og **Ragna** frå siste ekteskap er rekna på [Sandøen 66/2 ved teljinga 1910](#). **Karl** og etterslekta hans er nemnde på [Egil Sølvberg si slektsside](#).



Av [panteboksbladet for Sandøen Lno 161a, gnr 66/2 i Askvoll herad](#) ser vi at **Karl Larsen** har fått skjøte på eigedommen datert 1., 10. og 12. november 1896. 23. november s.å får Karl [skjøte på gnr 66/3](#) og gnr [66/4](#). I [matrikkelutkastet 1950](#) er **Anton K Sandøy** eigar av gnr 66/2 og 66/3 (*saman med Øyvind Sandøy*). Gnr. 66/4 er ått av **Teodor K Sandøy**. Kart: ([beta.norgeskart.no](#))

Amund Knutson finn eg nemnd i Askvoll ministerialbok då han [28. juni 1818](#)^[H side, 7. nedanfrå] giftar seg med **Mari Eriksdtr Hovland** i Vilnes kyrkje. Som før nemnt er Amund i 1838 oppført som «Opsidder» på [Leknesund Lno 98a](#), (seinare [gardsnr 54/2 i Solund](#)). **Mari Eriksdtr** døyr [9. juni 1828](#)^[# 70]. **Amund** gifter seg oppatt [25. juli 1829](#)^[# 27]. Brura heiter **Gjertrud Iversdtr** frå Sendvig, ho er fødd om lag 1805. Heller ikkje dette ekteskapet vert langvarig, 12. august 1831 døyr **Gjertrud** – gravferda er ved Vilnes kyrkje [16. august 1831](#)^[# 71]. – «*Alle gode ting er tre*» tenkjer kanskje **Amund** – då han for tredje gong, [29/7-1831](#)^[# 29], står brudgom i Vilnes kyrkje. No heiter brura **Gjøe Bottolfsdotter** og kjem frå indre Hatlem i Øn sokn i noverande Hyllestad kommune. **Gjøe** vart konfirmert, 16 år gml., [ved Øn kyrkje 21. søndag etter Trinit](#)^[# 12] i året 1811. (Etter [Familysearch si oversikt](#) er dette 3. november). Giftarmålet er

òg registrert på «[Community Trees](#)» med kjelde [Hyllestad bygdebok](#). Men eg vel å seie om desse 'Mormondatabasane' slikt dr. Lyche sa om nykyrkja i Lome: «*Slik går dæ når hedningatn byggji kjørkje*» ! **Amund** og **Gjøe** får 35 år i samliv. Kyrkjeboka fortel at [dei båe døyr 11. november 1866](#) [# 39 & 40] og kjem i grav på Vilnes kyrkjegard 3 dagar seiane. Det er ikkje sagt noko om dødsfalla er ei ulukke eller grunna i at dei båe hadde nådd høg alder. - **Amund** fekk ikkje born i nokon av ekteskapa. [De kan lesa om Leknessund i «Bygdebok for Solund» band B f.o.m. s. 387](#)



Erik Knutson, den yngste av brørne frå Kjossta som tok vegen vestetter, finn vi [7. desember 1826](#) [# 17] som brudgom i Ministerialboka for Gulen prgj. Den utkåra heiter **Brite Wilkens-datter Birknes**. Vi finn henne ved [teljinga 1801](#) på garden Birknes. Bygdeboka for Gulen (ikkje på nett) fortel at Erik «*kom til Byrknes og vart gjetargut 12-13 år gamal*». Erik og Brite «*fekk setje bu på ein plass under lno. 6. Staden heiter enno Valderstofta*». [Gnr 95/36]

Erik og Brite vert foreldre til:

- 1) **Guri** f 15/9-, dpt 28/9-1828 [# 35], [konf 8/10-1843](#) [# 5].
- 2) **Anne** f 18/2-, dpt 23/4-1832 [# 17], [konf 10/10-1847](#) [# 28].
- 3) **Johanne** f. 7/3-, dpt 17/5-1835 [# 33], [konf 22/9-1850](#) [# 10].

Ved [teljinga i 1865](#) finn vi **Brite** som «*Pladsmandskone uden Jord*» og dottera **Guri** registrert på Birknes Lno. 66 i Gulen. **Erik Knutson** [døyde 8/11-, gravl 14-11-1863](#) [# 41].

Brite Wilkensdatter [døyr 27. april- og vert gravlagd 2. mai 1868](#) [# 16]. – Fornamnet **Vilken** er i mine øyro eit framandt namn – Eg finn 12 personar i [FT1801](#), [13 i 1865](#) og [16 i 1900](#) - skrive med både enkel- og dobbel V. Størst utbreiing har namnet i Sogn og Sunnfjord. Hadde eg vore **Rigsmaals**brukar, hadde eg vel spurt: *Hvilken Vilken* ??

Johanne Eriksdtr er ved [FT1865](#) registrert som tenestjente på Birknæs Lno 77 i Eivind-vik prgj. Ein av tenestgutane heiter **Ole Henriksen**. Det er nok han som [4. november 1870](#) [# 32] giftar seg med Johanne Eriksdtr. **Ole** er son til **Henrik Mikkelsen** og **Anne Olsdtr**. Han er [f 6/7- og døypt i Gulen 10/8-1843](#) [# 42].

Johanne og **Ole** får borna 1) **Berte Helene** f 19/8-, dpt 25/9-1871 [# 45], [konf 3/10-1886](#) [# 17]. 2) **Eilert** f 21/11-1873, dpt 4/1-1874 [# 2], [konf 21/9-1889](#) [# 32]. 3) **Andreas** f 22/9-, dpt 17/10-1878 [# 5], [konf 1/10-1893](#) [# 28].

Ole Henriksen [døyr 11. august-](#) [# 2], og vert gravl. 17. august 1895. Ved [teljinga i 1900](#) er eldstesonen, **Eilert**, nemnd «*Gaardmand, Selveier og fisker*». Bruksnamnet er no skrive **Børtnæs**. Mora, **Johanne**, er nemnd «*Føderaadskone*». Vi finn òg broren **Andreas Olsen** og storesyster til Johanne, **Guri Eriksdtr**, registrert på gnr. 95/36.

Eilert Olsen [gifta seg 21. juni 1895](#) [# 10] med **Hanseline Andrea Hansdtr** frå Feie i Hordaland. Ho var f. 5/12-1873 og [konf 23/9-1888](#) [# 7] i Østrum (**Austrheim**) kyrkje som då høyrde til Lindås prgj. Ho var dotter til Hans Larsen (Moldøen) og Andrea Pedersdtr. **Hanseline** og **Eilert** fekk ei dotter, **Oline Andrea** f 20/2-, dpt 6/4-1896 [# 12]. **Hanseline** [døyr 13. mai 1898 og vert gravlagd 21. mai s.å.](#) [# 17]. Ei **Oline Notøy** f 20/2-1896 er registrert gravlagd på Husøy kyrkjegard i Solund ([Dis Gravminner](#) – ID= 2458869).

Eilert giftar seg så - [30/11-1899](#) [# 16] med **Oline Halvorsdtr** frå Trovåg i ytre Sula [f 2/4-, dpt 25/6-1871](#) [# 33]. Foreldra hennar heiter Halvor Andersen og Nille Ellingsdtr. Oline og Eilert vert foreldre til tvillingane **Hilda Nikoline** og **Hansine Amanda** [f 12/2-, dpt 4/6-1900](#) [# 15 & 16]. Dei er alle registrert på gnr 96/34 ved [teljinga 1900](#). **Hansine Amanda** [døyr 21/5- gravl. 31/5-1901](#) [# 12]. Ei ny jente f 14/9-1902 får same namn, **Hansine Amanda**, dpt [12/10-1902 i Mjømna kyrkje](#) [# 7]. Så kjem eit nytt tvillingpar, **Johanne Odine** og **Julie Petrine** f 4/5-, dpt 12/6-1905 [# 7 & 8]. **Elida Olianna** vert [f 15/3-, dpt 5/5-1910](#) [# 3]. Familien er registrert av [teljaren i 1910](#). No er bustaden skrive **Berknæs**, gnr 95/36. Broren **Andreas** og mor **Johanne** er og registrert i husstanden.

[Tvillingane Elida Olianna f 15/9-, dpt 20/10-1911](#)^[# 3] og [Karl Olai](#) ^[# 7] er dei siste borna eg finn til *Oline* og *Eilert* i KB. Litt underleg at jenta får same namn som systera f 1910, eg finn henne ikkje registrert død. – **Johanne Eriksdtr** dør [13. mars 1913](#)^[# 1] og vert gravl. 18. mars ved Mjømna kyrkje. De kan lesa om familien i [Bygdebokfor Gulen, side 261-262](#).

Ser vi på [panteboka for gnr 95/36](#), Børtnæs (Bjørknæs), ser vi at **Eilert Olsen** har fått skjøte frå «*Ragnhilde Filippusdtr. Angivelig enke efter Hans Andersen*». Skjøta er tinglyst 6. november 1894. **Eilert** skjøter vidare til sonen **Karl Olai** 8. mai 1944. Karl Olai er skriven som eigar ved [Matrikkelutkastet 1950](#).

Andreas Olsen [giftar seg 8/12-1911](#)^[# 1] i Mjømna kyrkje med **Sørene Larsdtr**. Dei får dottera **Olga Johanne** [f 8/1-, dpt 24/3-1913](#)^[# 1]. Så kjem **Katinka** [f 19/6-, dpt 26/7-1914](#)^[# 9], **Lars** [f 5/3-, dpt 20/4-1916](#)^[# 3], **Johannes Bertin** [f 22/12-1917, dpt 21/4-1918](#)^[# 4] og **Gustav Emil** [f 5/4-, dpt 9/6-1924](#)^[# 6]. – Av [panteboka for Bremnes gnr 94/1](#) ser vi at **Andreas Olsen** Børtnæs får skjøte av *Gregorius Johnsen* Bremnes datert 4/5-, tinglyst 14/6-1916. I [matrikkelutkastet 1950](#) er Lars A Bremnes registrert eigar av 94/1. [Gardskart](#) «Skog og Landskap» syner eigedommen. Denne familien er å finne [på side 154 og 155](#) i «Gulen i gammal og ny tid» band III.



Bjørn Arneson^{BA} [Nøtøen](#) finn vi nemnd mellom «*Confirmerede Drænge*» i kyrkjeboka for Eivindvik [den 27. oktober 1811](#)^[# 23]. Kartet ovanfor syner «Nautøyna» - som prest og skivar i beste meining (?) skreiv «Nøtøen». I «*Extract af Ministerielle Forretninger, Aar 1817*» er **Bjøren Arneson** Nøtøen og **Ingeborg MonsD^r** Nøtøen [«Indkommen til Ægteskab» 15. mai](#). ^[H side, øvst]. Ingeborg [dør 21.- og vert gravl. 27. april 1843](#)^[#12]. Ho er oppgjeve å vera 71 år gamal.

[30. januar 1844](#)^[# 1] giftar «*Enkemand og Lods*» **Bjøren Arnesen** seg oppatt med *Pige Karine Christine Olsdatter*. Ho er dotter til Ole Torstensen Indrevær og Anne Siursdtr og [døpt i Gulen prgj. 5. februar 1815](#)^[# 6]. Sonen **Andreas** vert ført inn i kyrkjeboka med [fødsel 3. sept.- og dåp 7 sept. 1844](#)^[# 40]. Dødsdato er notert til [7. sept.- og gravferd 10. sept. 1844](#)^[# 27]. «Lods og kaarmand» **Bjøren Arnesen**, 51 1/3 ar gml., «*Druknete .. Søen*» [31. mars 1845](#)^[# 8]. **Bjørn** vart nok ikkje attfunnen. For *Arne Andersen* ^[#9], som nok har vore saman med Bjørn, er merknaden: «*gjenfunden og begravet*».

De kan lesa om Bjørn Arneson [i Solund bygdebok, band 2, sidene 89 og 90](#).

- Undrast på om nokon av desse karane hadde vore med å «drage noté» i Ølsjøé, og om dei hadde nikk attkjennande til namn som «Hella», «Naustvarpæ», «Bué», «Øddin» og «Osviké»

Kom til verda «på Sæteren» - Flytta vestom langfjella

Men han vart attgløymd då «*Gardar og slekter i Vang*» vart skriven.

Den [14de Junii 1809](#)^[Vside,3.ovanfrå] copuleret Ungkarl **Knud Thoresen** Septhon med Pigen **Marith Endresdr Septhon**. Deres Forlovere være **John Knudsen Næbstad** og **Christopher Iversen Lokrim**. Slik står det å lesa i Ministerialbok nr. 3 (1809-1831) for Vang prgj.

Marit og **Knut** vart foreldre til ein gut, fødd «*pa Sæteren*» den 7. august, dpt [1/9-1811](#)^[Vside, 2.nedanfrå]. Han fekk då namnet **Thore** (oppattkalla etter farfaren). Faddrane kom frå Jøvne, Belsheim, Kvie og Kjøs. - Familien er teke med i bygdeboka, [band B side 250](#), men her vart **Thore** utegløymd. Dei to yngre brørne, **Endre** og **Nils**, slapp gjennom nålauga.

Tore Knutson var komen heilt til [Ytre Holmedals Prestegjeld](#) i Sunnfjord innan vi finn han att. Ulikt dei fem gutane vi las om i dei førre stubbane ser det ut til at **Tore** hadde foreldra med seg. Eg trur det er **Tore** vi finn som konfirmant i Askvoll [4/10-1829](#)^[#17]. Eg ser ikkje bort frå at **Knut Toreson** og **Marit Endresdotter** var komne til bror hans **Knut**, **Aslak Toreson** i Høyvik.(sjå neste stubb)

Tore Knutson gifta seg [11/7-1844](#)^[#15] med **Dorthe Arnaldstr**, 30 år gamal. [FT1865](#) fortel at **Dorthe** og **Knut** då var husmannsfolk på plassen **Urenæs** i Vilnes sokn, Askvoll prgj. Dei hadde ein fosterson, **Mathias Johannesson**, uekte son til pigen **Lydia Rasmusdtr Underset** og **tjenestekarl Johannes Nilssen**, f 9/3-, dpt Askvoll [21/3-1857](#)^[#9], konf [6/10-1872](#)^[#5].

Dorthea Arnaldstr døydde på Stavnes [15/11-1875](#)^[#57], gravl Askvoll 20/11 s.å. [FT1875](#) syner **Tore Knutson** f 1811 i *Hurums sogn, Vangs Prgj.* som enkemann, husmann og fiskar på **Stafsnæs**, lno 27a,28 i Askvoll. [Spesialliste](#). - **Mathias** var då Tjenestekarl - på plassen var og to tenestjenter samt *Fatigbarn til Opdragelse Berentine Marie Johannesdtr.*

Enkemand, lægdsfattig **Tore Knutson** døydde i Fauskevik [22/6-1896](#)^[#5]. Han vart gravlagd på Askvoll kyrkjegard 27/6-, jordfesta 28/6 s.å. - Han er nemnd på [side 140](#)^[#42] i Askvoll bygdebok 2A.

Aslag, farbror hans Tore – var alt komen vestom langfjella

Det kom med i «*Gardar og slekter i Vang*» band B [side 339](#).

Øvst på side 277 i Ministerialbok nr. 1 for Vang prgj. finn vi opplysningar om at tvillinggutane **Tosten** og **Aslach** vart døypte [1/7-1784](#). «*Test til begge Børns Daab*» kom frå Hemsing, Høverstad og Remme. Tvillingane var borna til **Tore Knutson** og **Guri Aslaksdotter**. Dei hadde ein eldre bror, **Knut Toreson**, f 1778, nemnd i førre stubb.

Aslach Thoresen Hensaasen vart konfirmert i [Øye kyrkje 3. Søndag efter Trinitatis 1799](#), ut frå [Bauers kalender var dette 16. juni](#). Eg reknar med at dette er «vår» Aslag. Eg har ei sterk kjensla av at vi treffer **Aslak Toreson** som «*tienestefolk*» på [Jarstad](#) i Vestre Slidre ved [FT1801](#).

[22/11-1809](#)^[Hside,5.ovanfrå] gifta **Aslag Toresen** seg med **Vilhelmine Olsdtr Høvigen**. (**Høyvik**) Askvoll bygdebok 2B fortel på [side 562](#) at dette var andre giftarmålet hennar. Det ser ut til at det ikkje var born i dette ekteskapet. - Så kjem vi fram til [12/8-1827](#)^[#20]. Då gifta **Enkmd Aslag Thoresen** seg i Askvoll kyrkje med **Gjertrud Andersdtr** Tønning, dotter til **Anders Olsen Tønning**. Oppgjeven opphaldstad for **Aslag** var **Høvigen**, han var «*sfødt i Vang i Valdres*» og faren vart sktiven **Thore Knudsen Hofstad**. **Gjertrud** og **Aslag** hadde desse borna: **Ole Iversen Andreas** f 14/1-, dpt [3/2-1828](#)^[#25], død [17/2 s.å](#)^[#22]., gravl Askvoll 20/2 s.å. **Ole Andreas** f 11/1-, dpt Askvoll [18/1-1829](#)^[#9], konf [12/10-1845](#)^[#17]. **Thora Christine** f 1/5-, dpt [6/5-1832](#)^[#57], død [17/1-1834](#)^[#25], gravl Askvoll21/1 s.å. **Tore** f 22/5-, dpt [22/5-1835](#)^[#79]. **Thora Maria** f 31/8-, dpt Askvoll [4/9-1836](#)^[#68],

Gaardbruger Aslag Thorson døydde i Høyvik [3/6-1838](#)^[#74], gravl og jordfesta 8/6 s.å. Notert alder i KB var 42 år.

Ole Andreas Aslagson gifta seg 21/11-1850^[#32] med **Cecilia Johannesdtr** frå Høyvik, dtr til **Johannes Olsen** (Strømmen) og **Helene Endresdtr**, dpt [27/9-1816](#)^[Hside], konf. [27/10-1833](#)^[#44]. **Cecilia** og **Ole Andreas** var foreldre til: **Andreas Johannes** f 5/2-, dpt [7/3-1851](#)^[#19] og **Anne Johanne** f 13/5-, dpt [20/5-1852](#)^[#59].

Liten av vokster i 1759

Ivar (1745-), var liten av vokster i 1759.

Sitatet ovanfor er henta frå [side 568](#) i «*Gardar og slekter i Vang*» band A. Meir vart det ikkje skriva om **Ivar**, son til **Jørn Andrisson/Marit Andrisdotter**, i den boka.

Eg har ei kjensle av at det er **Ivar** (**Iver Jørgensen Ellingbøe**) vi treffer på som brudgom i Vang [27/10-1805](#)[\[Vside,2.nedanfrå\]](#), han gifta seg då med **Pigen Marit Valentinsdtr Stejle**. Paret hadde hatt ærend til kyrkja ein knapp månad tidlegare, Dei døypte dottera **Guri Ivarsdtr** [29/9-1805](#)[\[Hside,3.ovanfrå\]](#).

[28/3-1840](#)[\[#1\]](#) finn vi at **Pige Guri Iversdatter**, 31 år, fødd «*I Wangs Kald i Walders*» gifta seg med **Ungkarl Johannes Olsen**, 30 år, fødd **Kvamsdal**, opphaldstad **Ynnesdal**. Giftarmålet vart ført inn i Ministerialbok A20 for Gulen Prestegjeld i ytre Sogn. Far til brura vart skriven **Iver Jørgensen** medan far til brudgommen heitte **Ole Larson**. - **Johannes Kvamsdal** er nemnd på [side 268](#) i *Masfjordboka*.



Postkort: Eivindvik i Sogn

Kom «bjørnejegrane» frå ytre Sogn og Sunnfjord ?

Namna Mass og Lasse har «tyngdepunkt» i desse områda

Her kjem eit samandrag frå teljingane hjå Digitalarkivet


Fylke / År	1801	1865	1910	1801	1865	1910
	MASS - MADS			LASSE		
Østfold	60	33	51	0	0	1
Akershus	75	46	27	0	0	2
Kraa.	22	17	43	0	0	5
Hedmark	46	18	19	0	1	2
Oppland	118	85	53	1	0	1
Buskerud	131	79	45	0	1	9
Vestfold	108	39	15	1	0	1
Telemark	52	54	26	0	2	2
Aust Agder	103	124	66	9	15	14
Vest Agder	80	61	30	2	1	1
Rogaland	10	26	19	0	0	7
Hordaland	54	96	66	35	39	34
Bergen	43	49	46	5	15	29
Sogn/Fjordane	233	452	183	324	423	240
Møre/Romsdal	127	179	106	90	95	26
S Trøndelag	11	14	7	5	5	5
N Trøndelag	36	44	19	27	43	18
Nordland	52	34	13	5	3	4
Troms	19	31	32	16	45	4
Finnmark	7	7	7	1	6	2
	1387	1488	873	521	694	407

	1801	1865	1910	1801	1865	1910
	MASS - MADS			LASSE		
indre Sogn	6	23	9	117	140	62
ytre Sogn	5	10	22	121	201	126
Sunnfjord	218	400	162	35	23	18
Nordfjord	4	19	18	51	59	34

Wikipedia har presentsjon av desse namna: [Mats](#) og [Lasse](#). «Norske namn» har statistikk over bruk frå 1880: [Mads](#), [Lasse](#). «Nordisk kultur» har [Mads](#) på s. [213](#) og [Lasse](#) på sidene [30](#), [59](#), [142](#), [213](#), [231](#) og [253](#). [Lasse](#)(*italiensk bymann*)? har lirka seg gjennom sensuren hjå Ostereidet Mållag si bok med den høvande tittelen '*Pene namn*' (Eg trudde mållaget skreiv om [vene namn](#) eller [fine namn](#) (fin med ein i!). Men for den boka var nok korkje [Mads](#) eller [Mass](#), «pent» nok !

Han Mass og han Lasse dei gingo på rod,
tryo heile dagar til ende,
korleis dei skulle bjørnen få.
«Me skal skjota'n,»sa han Mass,
«og selje hudi,» sa han Lass.
«Seie du da ! » sa han Mass til han Lasse.

Les meir om skjemteballaden «*Han Mass og han Lasse*» [hjá Wikipedia](#).

Buntmakaren or Skjelgrenden

[29. mai 1859](#)^[# 13] vert **Ola Olsen** konfirmert i Vestre Slidre prgj. [Dagsregisteret](#) fortel at konfirmasjonen vart halde i Slidredomen. Han er son til *Ola Johannesson* og *Ragnhild Olsdr.* Innførsla fortel at han er fødd 8. september 1844 i Beito i Øystre Slidre. Ved [teljinga 1865](#) er han registrert saman med foreldre og 2 brør på Ranisæt Lno 40 i Vestre Slidre.

Om det var Ola, som her er omtala, eller bror hans som tok over Raniset med skjøte datert og tinglese 2. november 1869 går ikkje fram av [grunnboksbladet](#). Men ved skjøte datert 15/12-1875, tgl. 3/4-1876 er eigedommen skjøta *frå* «Bostyrelsen i *Ole Olsens konkursbo*». [Bygdeboka for Vestre Slidre](#) gjev heller inga svar. Ein Ole Olson «*fantegjekk* frå garden» seiest det på side 158 i bygdeboka. Ein må vel her gå ut frå at *fantegå* tyder at ein måtte reise frå garden utan å få med mykje meir enn kleda ein sto og gjekk i, medan *Wikipedia* knyter ordet til ein [arbeidstakar](#) som sluttar å møte fram på arbeidsplassen.

Tryggare grunn har vi for å slå fast at «vår» **Ola** [giftar seg i Øystre Slidre prgj. 30. mars 1869](#)^[# 7] med «*Pige Ingeborg Larsdatter*» frå Beito. Ho vart [fødd på Åstad i Vang hovudsokn 7. juli og døypt 19. juli 1847](#)^[# 44] i Vang prgj. - og [konfirmert i Øystre Slidre 1. juni 1862](#) ^[# 26]. Foreldra er nemnde *Lars Larson* og *Ingebjørg Madsdr.* **VA** - Ingebjørg bur [ved teljinga 1865](#) i nørre Beito lno. 195 i Øystre Slidre.

Ola og **Ingebjørg** har tilhald på Raniset i 1873. Då kjem dottera **Ingebjørg** til verda. Ho vert døypt i Vestre Slidre prgj. [18. januar 1874](#)^[# 19]. - [1. januar 1889](#) møter dei fram ved [Stedje kyrkje i Sogndal](#). Her får dottera **Olufine**^[# 2] namnet sitt. Ho er fødd 4. september 1888 på Lerum. Ola er no nemnd «Arbeider» og «fra Slidre». – Tre år seinare er Ola skriven «Bundtmager». Denne gongen kjeld kyrkjebokinnførsla dåp av dottera **Eli**. Ho er fødd på Sandane i [Gloppen 12. juni 1891 og døypt 6. september s.å.](#)^[# 13] i [Vereide kyrkje](#).

Ved [teljinga 1900](#) bur familien på Ramsli i Kyrkjebø herad i ytre Sogn. **Ola** er no nemnd «Bundtmager, leier». Ut frå dette leiger dei truleg husværet på Ramsli. **Eli** vert konfirmert [23. sept 1906](#)^[# 6]. No er «Bopæl» nemnt Norvik (på vestsida av Vadheimsfjorden). [I 1910](#) er **Ingebjørg, Ola** og **Eli** busett på «Frueteig(plads)» gnr 28/1 i Kyrkjebø.

Dottera **Olufine** gifta seg [7. mars 1916](#)^[# 40] i [Korskirken, Bergen](#) med **Håkon Gerhard Vattekar**^{HG} f 15/5-1891 i Kyrkjebø sokn. Han er son til *Andreas Paulson* og *Aasa Hansdr* frå Mølmesdal i Lavik. **Olufine** og **Håkon** vert 3. oktober 1917 foreldre til dottera **Aaslaug**. Vesle **Aaslaug** døyr frå dei 15. mars 1918 og vert [21 mars s.å.](#)^[# 2] gravlagd ved Kyrkjebø. **Olufine** er ei av dei mange som vert råka av «*Spanskesjuka*». Ho kjem på sjukehus i Bergen, der ho [døyr 27. januar 1919](#)^[# 2]. Ho vert gravlagd i Bergen 4. februar s.å.

Mor til **Håkon Vattekar**^{HG}, **Aasa Hansdr** f 1868 kjem vi attende til i stykket «[minst 19 gonger over Filefjell med fedrift](#)»

Ola O Ranisæt døyr på Vattekar [18. november 1921](#)^[# 3] og vert lagt til kvile ved Kyrkjebø 23. november s.å. – For **Ingebjørg Larsdr** tek livet slutt [3. dag jul 1927](#)^[# 14]. Ho bur då på Vattekar, og finn siste kvilestad ved Kyrkjebø 4. januar 1928.

VA Sjå «Gardar og slekter i Vang», band A side 511 **HG** Sjå [Ættarbok for Kyrkjebø side 183](#)

'Her er fler, som bager brød'

Ei ørlita omskrivning av J H Wessel ved dette høvet



[Fredag 15. september 1882](#)^[# 16] fortel kyrkjeboka for **Førde** at '**Bagersvend**' med '**bopel**' Hafstad, **Nils Olsen** frå *nordre Aurdal*, går inn i ekteskap med **Hanna Matiesen**, fødd 1842 i *Moss*. Forloverar er Nils Hafstad og Gunder H Hafstad.

Nils vart f 28. juli 1850 på 'Garli-Eie' og døypt [29. september s.å.](#) ^[# 31] i Skrautvål kyrkje. Der vert han òg [konfirmert 2. juli 1865](#)^[# 19]. Foreldra hans er **Ole Gulbrandsen** og **Guri Olsdtr. Ole Gulbrandsen** f 21/5-1820 på nørre Hestkinn og [døypt i Bruflat kyrkje 4/6-1820](#)^[# 26]. Han gifta seg med **Guri** [1/1-1845](#)^[# 5] i Skrautvål kyrkje. Ho er fødd 17/6-, [dpt i Skrautvøl 30/6-1820](#) ^[# 30]. Både **Ola** og **Guri** vart konfirmert i Ulnes kyrkje 4/10-1835, [Ola](#)^[# 23] og [Guri](#)^[# 4].

Nils bur ved [folketeljinga 1865](#) saman med foreldre og sysken i «*Dybedalen*» i Garlibygden. Han er nok ikkje den einaste av syskenflokken som reiser vestover, i teljingslista ser vi at storebroren, **Ole Olsen** er «paa Arbeide i Bergens stift». Systera **Marit** vert [14/11-1892](#)^[# 7] gift i Sogndal. - Nils finn vi ved [FT1875](#)⁽⁹⁾ som ugift *Bagersvend*, busett på løpenr 44 under matrikkel nr 202 i Florø, Kinn prgj.

Hanne Mathiesen er [f 6. mars- og dpt 25. april 1841 i Moss](#)^[# 37]. Ho er [konfirmert i Moss 30. september 1855](#)^[# 5]. Foreldre er «*Sømand* Matthis Poulsen og Anne Magrethe **Villadsd**». [Ved teljinga 1865](#) har familien tilhald på «Radet» i Moss. No er faren «*Arbeidsmand ved Brænderi*». Wilhelm, storebror til Hanna, er «*Skræder*». Om «Radet» er «*Raet*» i Moss kjenner eg ikkje til.

Det dryger ikkje lenge etter bryllaupet innan **Hanna** og **Nils** vert foreldre. [Sundag 5. november 1882](#)^[# 21] er dei attende i [Førde kyrkje](#) og døyper dottera **Gudrun Margrethe**. Ho opna opp augo mot verda 4. oktober 1882. Ho er [konfirmant i Førde 3. oktober 1897](#)^[# 9].

Ved [teljinga 1900](#) bur **Hanna**^[# 015] og **Nils**^[# 014] på Hafstad gnr 61/2 i Førde. Nils er nemnd «*Bager hos en landhandler*», truleg er dette Andreas Hjellev frå Førde, som vi finn litt lengre opp i teljeskjemaet for Hafstad. [Ti år seinare](#) finn vi paret på Furevik (Hafstad). Nils er framleis nemnd «*Bager*». **Hanna** døyr 21. mars- og vert [gravlagd i Førde 28. mars 1911](#)^[# 5]. Nils tek sitt siste andedrag 14. juni 1920. Han vert [lagt til kvile ved Førde kyrkje 20. juni same år](#)^[# 7].

Gudrun Margrethe har i 1900 flytta til Bergen. [Ved teljinga er ho registrert](#) som tenestjente hjå «*Lods- og Skibsreder*»-familien Kristensen på Nyhaugen 15/13 i Fana. Ved [teljinga i 1910](#) finn vi henne busett som «*elev, forsørger av Gbr.*» på [Voksenkollen Sanatorium](#) på Slemdal i Vestre Aker prgj.

På [DIS-Gravminner](#)^[ID= 3426260] finn vi **Gudrun Olsen** f 4/10-1882 død 20. februar-, gravl. [Florø kyrkjegard](#) 26. februar 1965. Det er ikkje registrert noko gravminne.

Her har eg hekta meg opp i førenamnet **Villads** (Villats/Willads/Willats). Dette er eit namn som ikkje vert nytta i Valdres. For mine øyro høyrest namnet ut til å vera eit namn han **Oluf i Rallkattlia** ville ha i sin nære omgangskrins. – men her kjem det frå Moss (Østfold). Eit snøgt søk i folketeljingar syner at namnet har ein del bærarar i Østfold fyrst på 1800-talet:

Område	FT år	1801	1865	1900
Østfold		19	20	9
Agder		3	19	5
Nordland		10	12	18
Troms & Finnmark		-	5	6

DJ Sjå side 446 i «Gard og bygd i Nord-Aurdal» band B - om Ola Gulbrandson, Guri Olsdotter og borna deira.

«minst 19 gonger over Filefjell med fedrift»

[Driftekar](#)en frå Åbjør som vart bonde i Mølmesdalen

Å, vesle Kari vår, så lita som ho går,
Ho lokka ein kar ifrå Hallingdal
Med sal og med hest
og med sylvknappa vest.
Med gullstava hår og med sprotabelle på.
Å, teleguten visste sitt eige beste,
Kaupte seg ei [drift med fe](#) og med heste.
Føre kom Kari lullands og lokkands,
Etter kom teleguten diltands
og hoppands
på silkesokka.
([danseviser](#))

Her kan vel visa høve

For sjølv om jenta var Benedikte
og karen som denne jenta likte
var ikkje Halling,
men tvertom Valdris - som heitte Ola
han skein som sola.
Tru jenta lokka - med 'silkesokka'?



Ole(Ola) [Gulbrandsen Aaberg](#) får [9. november 1829](#) [skjøte på mtr.no. 121 Mølmesdal](#) av «[Kjøbmand Wiese](#)». Kjøpesummen er 190 «[Speciedaler](#)» (Spd.) og skjøta vert tinglyst 25^{de} November 1829. [Johan Christoffer Wiese](#) hadde overteke eigedomen frå svigermor si, «[enke Bolette Sophie Knagenhjelm](#)» i 1826.

Ole Gullbrandsen er fødd i Valdres. I sine unge år hadde han vore driftekar. Han fortalde sjølv at han hadde ferdast minst 19 gonger over Filefjell med fedrift. Han vanka elles vidt omkring før han kom til Mølmesdal og vart gift med Bendikke Halvorsdtr. Mølmesdal. Til dagleg vart han kalla for: «Valdresen».

frå "Åttebok for Lavik"

Ola giftar seg [30. september 1830](#) [# 12] med [Benedikte\(Bennike\) Haldorsdtr Mølmesdal](#). Ministerialboka for [Lavik](#) fortel at Ola er «fødd i Nordre Urdahls prgj i Walders paa Aaberg, nu Mølsdahl». Brudgommen hat hatt nat. (natutlege) koppar, medan brura er «[Vaccineret](#)». [Bennike](#) var [døpt 31 oktober 1807](#) [H side, nedst] i Hyllestad kyrkje. Mor hennar, [Orloug LasseDtr](#) vert då notert «[Innladt](#)» ([Introduceret](#)) i Gulen prgj. 21. november 1807. [Orloug](#) (Olaug) var, tilliks med ektemannen [Haldor Henrikson](#), frå Mølmesdal. Dei vart [trulova 12. september 1795](#) og [gifta seg 26. september s.å.](#) [H side, øvst (# 20)]. Opplysningane i [FT1801](#) om at Haldor er «gift 1^{ste} gang» og Olaug «ugift» må såleis vera ei feilregistrering. Heller ikkje dottera deira, [Malene](#), [konfirmert i Lavik krk. 6/11-1814](#) [H side, H spalte, øvst] er nemnd i teljinga. [Bennike](#) vert [konfirmert i Lavik 19. november 1820](#) [H side # 9] .

Ola vart [døpt i Aurdal kyrkje 7. november 1797](#) [V side, nedst]. Foreldre var «[Gulbrand Olsen AabergsEjer og hustru Randi Andersdtr](#)». [Gulbrand](#) vart døpt i [Reinli stavkyrkje nyårsdagen 1764](#) [H side, 2. ovanfrå]. [Randi](#) vart boren fram til døypefonten i [Aurdal kyrkje](#) (Midtfastesundag) [16. mars 1760](#) [V side, 3. nedanfrå]. Ola er i [1801](#) nemnd saman med foreldre og to brør. Eg finn ingen konfirmasjon notert for Ola. – Prestar kan vel òg vera [gløymste](#).

[Benedikte](#) og Ola får fyrste barnet, [Gulbrand](#), i [februar 1833](#) [# 25] . Guten vart heimedøpt av mormora, [Orlaug Lassedtr](#), og han dør 1½ dag gamal. Dottera [Haldis](#) vert [fødd 28. april 1836](#), [dpt 12. mai s.å](#) [# 34] og [konfirmert 22. sept. 1850](#) [# 18]. Så kjem [Randi](#), oppattkalla etter farmor og tippoldemor frå Valdres, [f 30/6-](#), [dpt 8/7-1838](#) [# 45], [konf 6/11-1853](#) [# 36(2)]. Neste jente, [Olaug\(A\)](#), får namn etter mormora i Mølmesdal – [f 23/3-](#), [dpt 28/3-1840](#) [# 24], [konf 21/10-1855](#) [# 7]. [Eli\(B\)](#) [f 26/2-](#), [dpt 2/3-1843](#) [# 18], [konf 18/10-1857](#) [# 16(2)], får namn etter mormor si mor. Ein ny [Gulbrand\(C\)](#) vert [f 6/10-](#), [dpt 11/10-1846](#) [# 75], [konf 29/9-1861](#) [# 6]. Ved dåp 1849 er mora nemnd «Bendeke».

Gjetord om at [Ola Gulbrandson](#) har vorte gardbrukar i ytre Sogn har nok nådd attende til Åbjør. [4. mai 1837](#) [# 2] er [Ola Syverson](#), frå «[Grandalen i Nordre Ourdal](#)» 15 år gml. innført som innflytta til Lavik – for «at Tjene» på «[Malmesdal](#)». Han har synt fram attest, utferda «19.3.37» av Stenbück. [30. april 1840](#) [# 2] får han utflyttingsattest «til sin Hjemstavn Grøndal i Nordre Ourdals Prstgj. I Valdres». Ola Syverson var [f i Åbjør 6/10-1821](#) [# 76] og [døydde 27/9-1906](#) [# 6] i Brattstølhøvda i Tisleidalen. Han [gifta seg i Aurdal 3/1-1846](#) [# 2] med Ingebjørg Haldorsdtr.

Ved [teljinga 1865](#) er Ola og [Bendikke](#) saman med dei to yngste borna nemnde på Mølmisdal, lno 188 i Lavik prgj. Eldstejenta, [Haldis Olsdotter](#), finn vi i [1865](#) i Bergen. Ho er då nemnd «[Tjenestepige](#)

og *Varetægtsfange*». Ho fødte 15. november 1865 eit guttebarn. [Ministerialboka for Domkirkens sogn](#)[# 124] fortel: «*Barnet blev født i Dølgemaal og kvalt af Moderen, Pige Haldis Olsdtr Mølmesdal*». Ættebok for Lavik nemner at Haldis reiste til Amerika, det må vel i så fall vera etter at straffa er sona. - **Randi Olsdtr** fekk i [mars 1860](#)[# 1] utflyttingsattest til Bergen. I 1865 er ho tenestjente hjå «*Marine Kaptein*» [Carl Christian Lous](#). Systera **Olaug** vart [9. november 1863](#) [# 11] gift med «*Compagnie*» **Ole Danielsen** Madsnæs. Vi finn ved [FT1865](#) **Olaug** og **Ole** som husmannsfolk på Grønhaug i Lavikdalen saman med sonen **A2) Andreas** [f 11/10-](#), [dpt 19/10-1865](#)[# 22]. Her må teljaren ha gløymt av dottera **Benedicte**(A1) . Ho vart [f 28/7-](#), [dpt 9/8-1863](#)[# 61], [konf 6/10-1878](#)[# 5] .



«*Kaarkone Bendikke Halvardsdtr Mølmesdal*» dør [6 mai 1885](#)[# 4] og vert gravlagd ved Lavik kyrkje 5 dagar seinare. **Ola Gudbrandson** lever som enkjemann godt og vel 3 år vidare, men [23. mai 1888](#)[# 6] tek den gamle driftekaren sitt siste andedrag. Han vert boren til 'den lange kvila' ved Lavik kyrkje 29. mai 1889, og jordfesta same dag.

Til venstre: *Bilete frå Mølmesdalen tilsendt frå Øyvind Mølmesdal 12/1-2009.*

Lat oss sjå nærare på dei som **Ola Gudbrandson** og **Bendikke** var besteforeldre til: Av borna til **Olaug Olsdtr** og **Ole Danielsen** er dei to eldste alt nemnt. - Vidare får dei **A3) Ole** [f 24/11-](#), [dpt 3/12-1867](#)[# 20], [konf i Lavik 24/9-1882](#)[# 5]. **A4) Hansine Bertine** [f 23/4-](#), [dpt 26/4-1872](#)[11], [konf 9/10/1887](#)[# 4]. **A5) Dorthea** [f 12/2-](#), [dpt 14/2-1875](#) [# 3], [konf 22/9-1889](#)[# 10]. **A6) Marie** [f 10/4-](#), [dpt 27/4-1879](#)[# 15]. **A7) Anne** [f 3/10-](#), [dpt 15/10-1882](#)[# 10], [konf 20/9-1897](#)[# 2]. **A8) Hans** [f 4/10-](#), [dpt 12/10-1885](#)[# 15], [konf 7/10-1900](#)[# 4].

Ole Olss. (A3) [giftar seg 24/7-1897](#)[# 15(2)] med **Johanne Bergitte** Arnesdtr [f 1/6-](#), [dpt 7/6-1873](#) [# 11], dotter til **Arne Pederess**. (Hjelmelund) og **Anne Andersdtr**. Ved [teljinga 1900](#) finn vi dei som gardsstyrarfamilie på «*Futegarden*» [Askelund gnr 1/7](#) i Balestrand. I 1910 bur dei på **Sædal** (*Sæterdal*) gnr. 7/2 i Fana. **Ole** kjøpte eigedomen for kr. 9 300 av **Johan Gullaksen Haaland** (frå Kirkebø i ytre Sogn). [Skjøta er dagsett 17. og tgl. 18. april 1902.](#) **AA1) Olga Sofie** er f 29/1-1890 på Kvammen i Lavik og [dpt 13/2 s.å i Lavik kyrkje](#) [# 3]. Ho vert konfirmert i [Birkeland kyrkje](#), Fana [30/3-1913](#)[3.nedanfrå]. **AA2) Anna Hansine** f 25/2-, [dpt Tjugum krk.](#) Balestrand [25/3-1900](#)[# 5], [konf Birkeland krk. 11/4-1915](#)[# 20], [død 12/9-1993](#), [gravl. Øvsttun i Fana \(Bergen\)](#). **AA3) Olaf** f 8/7-, [dpt Birkeland 3/8-1905](#)[# 29], [konf 15/4-1917](#)[# 25]. **AA4) Albert** f 6/3, [dpt 1/4-1907](#)[# 14], [konf 23/4-1922](#)[# 6], [død 21/2-1942](#), [gravl Øvsttun](#). **AA5) Jenny Othelie** f 28/7-, [dpt 5/9-1909](#)[# 30], [konf 27/4-1924](#)[# 19], gift Heldal, [død 24/3-1999](#), [gravl. Øvsttun](#).

Hans Olss. (A8) går inn i ektestand i Lavik krk. [23/6-1910](#)[# 3]. Kona heiter **Gjertrud Kristiansdtr** [f 13/12-1884](#), [dpt Kyrkjebø 1/1-1885](#)[# 1], dotter til **Kristian Ivarsen** (Frivik) og **Ragnhild Sjursdtr**. Ved [teljinga 1910](#) bur dei hjå foreldra hennar Gjertrud, i Ola-hola (*godt rim*) under Frivik, saman med dottera **AB1) Olga Matilda** [f 20/8-](#), [dpt 18/9-1910](#)[# 14]. – Litt interessant er yrkes-nemninga til Hans: «*Beistehandler*». Hans har nok teke opp arven etter bestefar Ola Gudbrandson. I Sogn, og truleg i mange område vest for langfjella tenkjer ein nok på '[firbeinte dyr](#)', når ein høyrer dette ordet, medan eg fyrst tenkjer på [synonym](#) når talen fell på beist eller ubeist. Ved fleire innførslar i kyrkjebøkene er **Hans** nemnd «slaktar». **AB2) Olav** [f 6/2](#), [dpt 25/2-1912](#)[# 2], [konf 1926](#)[# 8]. **AB3) Kristian** f [Vadheim 1/1-](#), [dpt 15/3-1914](#)[# 5], [konf 7/10-1928](#)[# 1], [død 10/12-1996](#), [gravl. Kyrkjebø](#). **AB4) Ragnar** f [7/6-](#), [dpt 15/10-1916](#)[# 22], [konf 28/9-1930](#)[# 9], [død 22/11-1996](#), [gravl. Kyrkjebø](#). **AB5) Sigurd** f [8/6-](#), [dpt 18/8-1918](#)[# 30]. **AB6) Gerda Hildeborg** f [16/10-1923](#), [dpt 7/4-1924](#)[# 7]. – **Gjertrud Strandos** dør [6. juli 1966](#) og ektemannen **Hans O Strandos** dør [4. oktober 1968](#). Båe kviler ved Kyrkjebø kyrkje.

Eli Olsdtr Mølmesdal [giftar seg i Lavik 1/7-1867](#) [# 2] med sambygdingen **Hans Johannesson**.f [1/10-](#), [dpt 4/10-1835](#)[# 75], [konf 22/9-1850](#)[# 1]. Hans er son til **Johannes Bendikson** (Mølmesdal) og **Ase Hansdtr**. Hans finn vi ved [teljing i 1865](#) som tenestegut hjå dei komande svigerforeldra på lno. 188 i Lavik. **Eli** og **Hans** vert forledre til: **B1) Ase** f [Mølmesdal 27/4-](#), [dpt 8/5-1868](#)[# 21], [konf Kyrkjebø 30/9-1883](#)[# 5]. **B2) Bennike** f [Bosdal 20/1-](#), [dpt 29/1-1871](#)[# 3], [konf Lavik 11/10-1885](#)[# 8].

Ase Hansdtr (B1) vert [2. juni 1890](#)[# 2] gift med gardguten **Andreas Paulsen** på [Vattekar](#) i Kyrkjebø. **Andreas** vart [f 9/4-](#), [dpt 29/4-1866](#)[# 19], [død 20/6-1953](#), [gravl. Kyrkjebø](#). Foreldre er **Paul Jensson** og **Jørand Monsdtr**.

Ase og **Andreas** får ein stor barneflokk: **BB1) Haakon Gerhard** f 15/5-, [dpt 24/5-1891](#)[# 16], [konf 8/10-1905](#) [# 18]. Han gifta seg fyrst med **Olufine Ranisæt** (sjå [Buntmakaren](#) or [Skjelgrenden](#)), som enkjemann giftar han seg [30/11-1925](#)[# 13] med **Pernille Marie Olsen** f [31/10-](#), [dpt 26/12-1897](#)[# 42] i Steigen,

Nordland. **BB2) Peder** f 20/9-, dpt 10/10-1892[# 25], [konf 22/9-1907](#) [# 2]. **BB3) Johannes** f 13/9-, dpt 4/11-1894[# 24], [konf 26/9-1909](#) # 8]. **BB4) Bernhard** f 30/6-, dpt 16/8-1896 [# 18], [konf 8/10-1911](#) [# 5]. **BB5) Olaf** f 24/6-, dpt 31/7-1898[# 21], [konf 5/10-1913](#) [# 16], død 24/12-1986, grvl. Kyrkjebø. **BB6) Harald** f 29/9-, dpt 11/11-1900[# 21], [konf 3/10-1915](#) [# 19]. **BB7) Emilia** f 9/10-, dpt 16/11-1902[# 19], [konf 30/9-1917](#) [# 15]. **BB8) Gudrun** f 4/6-, dpt 18/6-1905[# 8], [konf 5/10-1913](#) [# 8], gift 1942 med tremenningen **Gudbrand J Mølmesdal**. **BB9) Asmund** f 2/5-, dpt 12/6-1908[# 8], [konf 8/10-1922](#) [# 3], død 28/2-1984, gravl Kyrkjebø. **BB10) Valborg** f 22/4-, dpt 2/6-1912[# 7], [konf 1926](#) [# 11].

Gulbrand Olss.(C) [turar bryllaup 28. september 1871](#) [# 13] . Brura heiter **Brita Monsdotter f Ringereide** i Lavik 1/4-, dpt 7/4-1843[# 23], [konf 1857](#) [# 11]. Foreldra hennar er *Mons Anderson* og *Kristense Johannesdtr*. Ved [teljinga 1865](#) bur ho hjå foreldra på lno 158b. Vi finn **Brita** og **Gulbrand** på Mølmesdal 16/5 i Lavik både ved teljing i 1900 og 1910. **Brita** [døyr 13/11- og vert gravlagd ved Lavik kyrkje 21/11-1919](#) [# 9]. Om *Gulbrand* finn eg ingen oppl. om død, korkje i KB eller på DIS Gravminner.

Gulbrand og **Brita** fekk fire døtre: **C1) Birgitte Hansine** f 3/12-, dpt 6/12-1874[# 75], [konf 2/9-1889](#) [# 5], [gift 27/8-1896](#) [# 8] med **Andreas Andersson (Nordstrand)**. Ætteboka for Lavik fortel at «*Andreas* flytte frå Mølmesdal og budde på Kyrkjebø saman med *Nilsine Olsdtr Støldal*». Innan han pakka snippøskja hadde dei fått sonen **Gustav Emil** f 1/10-, dpt 11/10-1896[# 16], [konf 1/10-1911](#) [# 9]. Øyvind Mølmesdal fortel at **Birgitte** budde heile sitt liv på garden (gnr. 16/5). Ved [matrikelutkastet 1950](#) er Olav Heldal eigar.

C2) Kristense Marie f 30/9-, dpt 9/10-1876 [# 66], [konf 27/1-1891](#) [# 1], [gift 16/6-1896](#) [# 4] med grannen **Johannes Bendikson** (Mølmesdal 16/4). Foreldra hans er *Bendik Johannesson* og *Sigrd Jakobsdotter*. Vi finn **Johannes** på [Mølmisdal lno. 187 ved teljinga 1865](#). Ved teljingane i 1900 og 1910 bur **Kristense Marie** og **Johannes** på gnr 16/4. **Kristense Marie** [døyr 26/6-1941 og vert gravlagt 30/6 s.å.](#) ved Lavik kyrkje. Paret hadde desse borna: **CC1) Bendik** f 15/4-, dpt 2/5-1897[#5], [konf 1/10-1911](#) [#8], [død 24/12-, gravl 29/12-1973 ved Lavik krk.](#) **CC2) Benny** f 20/5-, dpt 9/7-1899[# 6], [konf 27/9-1914](#) [# 11], [død 12/12-1922](#) [# 11]. **CC3) Sigrid** f 14/1-, dpt 26/5-1901 [# 7], [konf 26/9-1915](#) [# 3], g i Lavik 28/5-1939[# 2] med *Henrik Mølmesdal* (gnr.16/3), [død 30/2-, gravl Lavik 6/6-2000.](#) **CC4) Olga** f 26/8-, dpt 20/9-1903[# 11]. **CC5) Gulbrand** f 31/1-, dpt 4/3-1906[# 6], [konf Lavik 22/8-1920](#) [# 6], g 1942 m tremenningen **Gudrun Vattekar**, død 1981*^Æ. **CC6) Astrid** f 7/9-, dpt 18/10-1908[# 13], [konf 7/10-1923](#) [# 2], [død 15/8-2002, gravlagd i Lavik.](#) **CC7) Olai** f 18/10-, dpt 20/11-1910[# 14], [konf 20/10-1925](#) [# 8]. **CC8) Trygve** f 5/2-, dpt 23/3-1913 [# 9], [konf 28/8-1927](#) [# 13], g.m. *Olga S Kleive*, [død 13/5-, gravl 20/5-1987 i Lavik.](#) **CC9) Halfdan** f 12/2-, dpt 2/5-1915[# 6], [konf 22/9-1925](#) [# 8].

C3) Berta f 24/12-1878, dpt 16/1-1879[# 11], [konf 1/10-1893](#) [# 1]. **C4) Monsine** f 5/10-, dpt 9/10-1881[# 20], [død 15/11-, gravl. 18/11-1881 i Lavik](#) [# 2].



Bruket Ola Gudbrandson kjøpte i 1829 er ikkje lengre i slekta sitt eige, men både [gnr 16/4](#) og [16/3](#) i Lavik er ått av etterslekta hans.

På [Vattekar 30/1](#) i Kyrkjebø er det framleis etterslekt.


[Sæterdal i Fana](#) var ått av [Strandos/Strandås slekta](#) då «Norske Gardsbruk» for Hordaland vart skrive kring 1960.

Til venstre: [eit bilete frå SFFf-arkiv](#)

Mannen på biletet er *Gulbrand Mølmesdal*. Vegen på biletet bygd i 1956.

«Oksehov af Slidre»

Og eg som trudde oxsen var klauvdyr ...



Om ikkje augo og briller har slege «heilkrudd» på seg, syner då skjermsklippet ovanfor at skrivaren av kyrkjeboka for Kinn prgj. har skrivne «Oksehov». Rett nok har presten [Jørgen Moe](#) gjeve ein «[spelemann](#)» hestehov, men *menneskje* var han vel ikkje ([Lydklipp](#)) ... - Noko 'lærebok i biologi' reknar ein ikkje med at ei kyrkjebok skal vera – så her får ein heller flytte seg frå *naturfag* til *morsmål*. Vi let Rygh si utgreiing om [gardsnamnet Okshovd](#) ([Ukshøvd](#)) tala for seg.

Jøren Tomasdtr var f 21. april 1821 og [døpt i Slidre prgj. 28. april s.å.\[#35\]](#). Foreldre er «Grd folk» [Tommens Østensen Oxhovd](#) ([dpt 14/11-1784](#) i [Hegge krk.](#)) og [Marit Olsdtr](#) ([dpt 13. juli 1788](#) i [Slidredomen](#)). Faddrane kjem frå gardane *Hedalen, Lien, Oxhovd, Bjelbole og Røyne*.

Jøren vart konfirmert i Volbu kyrkje [2. august 1845\[#37\]](#). Ti år seinare, [30/3-1845\[#19\]](#), vert ho registrert innflytta til [Finaas prgj.](#) i Sunnhordland. Ho er notert «*født paa Behovd i Slidre præstegj.*» og har synt fram «*att af 26/3-1845*» frå [Heyerdahl](#). «*Opgiven hensigt med Indflytningen*» er «*Tjeneste*». [Kvar i prestegjeldet](#) ho skal ta opphald, det er ikkje notert. Det er heller ikkje registrert nokon utflytte i ministerialboka for Øystre Slidre i åra [1844 og 1845](#).

Neste gong eg treffer på **Jøren** er ved dåp av sonen **Karl Olai** [15. mai 1859\[#105\]](#) i [Kinn prgj.](#) Kvar han kom til verda er ikkje nemnt, men guten vart fødd 6. mai- og faren er «*murarbeider*» **Ole Kristiansen** Sønstebø «*af Modums Præstegjeld*». Foreldra er heller ikkje gifte då dei døyper sonen **Theodor Berg** i [Kinn, 22. juni 1862\[#118\]](#). Han var fødd på [Reksten](#) 28. april s.å. – Både «oppgavegiver» Søren Andersen og dei fire andre faddrane er busett på Reksten (Reksta). Men innan dottera **Georgine Petrine** f 4/5-, dpt i Kinn [15/5-1865\[#74\]](#) kjem til verda på «[Rognsø](#)», har dei fått formalisert «sambuarskapet».

[15. januar 1865\[#3\]](#) gifter *ungk.* **Ole Christiansen** seg med pige **Jørاند Thomasdatter**. Han er notert med «*fødested*» Modum, opphaldstad Rognaldsvaag – ho med «*fødested*» Østre Slidre i Valdars. Går vi brudgommen litt «[nærare etter i saumene](#)», syner det seg at han ikkje er «[Moing](#)», men Totning. Toten Klokkerbok nr. 1 (1820-1827) syner at **Ole** vart fødd 28. september 1822 på [Jutulrud](#) i Einafjorden. Han vart døpt [13. oktober 1822\[#166\]](#) i [Ås kyrkje](#). Foreldra hans er notert som *Xstian Xtiansen* (*Christian/Kristian*) og *Berte Pedersdatter*. Dei gifta seg i [Hoff krk.](#) i Østre Toten [12/8-1820\[#89\]](#). Familien må ha flytta til Modum ([Blaafargeverket](#) har stor tilflytting denne tida). Då **Ole** vart konfirmert, [14. oktober 1838\[#18\]](#) var «*opholdssted*» [Skuterudhøiden](#).

Ved [teljinga1865](#) finn vi familien på «Rongsø under Rexten yttre» i Kinn sokn, Kinn prgj.

Kvar det vert av desse folka, har eg enno ikkje funne ut av !



HesteHOV
Bilete frå «Hest.no»



Hestehov
Frå «markblomster.com»



OkseKLAUV
Bilete frå «Hest.no»

Møre og Romsdal


Ved gjennomgang av ulike kyrkjebøker frå Møre og Romsdal har mange namn med tilknytning til Valdres kome for dag. Godt over 60 namn er funne i innflyttingslistene, 17 giftarmål har ein part frå Valdres, og mellom 20 og 30 personar har fått hekta på Valdres i «Fødestadrubrikken» etter at ein fekk dette feltet inn som «standard» i døds- og gravferdslistene.

For ein som er van med at prestegjeldsgrensene er monaleg statiske, vert det annleis i «Fogderifylket». Her synest det som om endring i kommunikasjon, frå kjøll til kjærre, har grepe sterkt inn i splitting, samanslåing og endring av gamle grenser. I nyare tid har også «Schei-komiteen» fått større verknad enn i mange andre område. Det kan vera greitt å ha [Soknehistorikken](#) frå «Digitalarkivet» å slå opp i frå tid til anna.


Ein tabell som fordeler kjelder og regionar kan gi eit interessant bilete:

Kjelde	Sunnmøre	Romsdalen	Nordmøre
FT1865	12	26	5
FT1900	4	3	4
FT1910	12	7	4
Innflytting	-	51	10
Giftarmål	-	17	-
Gravferder	5	14	3

Innfallsporten for Valdrisane synest vera Romsdalen, sidan flytter «innvandarane» seg rundt kring i fylket. Storparten av flyttinga kjem innan den store slusa, utvandringa over Atlanterhavet, opnar seg - frå 1847 og utetter.



Prestane med geografikunnskap – samt Etnedølene i Aukra kyrkjebøker. Lærdalssystre og Etnedalsbrør som ektemakar i Romsdal.



Fyrste sundag i advent 1834 kjem [ei innførsle i «Tilgangslistene»](#) [H side,# 3-8] i kyrkjeboka for [Aukra](#). Ektefolka [Ole Nielsen](#)(58)^A og [Gjertrud Knudsd](#)(45)^B har flytta inn som 'Gaard-mandsfolk'. Staden dei er komne til er ikkje lett å tyde av den «[knudrute](#)» handskrifta til bokføraren, men det ser ut til å starte med «Løv». Siste lekk i ordet kan vera «aas». Men vi får tru presten visste kvar dei held til! Dei er «ankommet fra [Søndre Ourdahl](#)» og har med «attest af 28 Febr 1835 fra L Petersen, præst til Søndre Ourdal» [*Aukrapresten fordeler kanskje [stumme H-ar](#) etter 'Lotto-metoden'*]. - Med på flyttelasset er borna [Tollev](#)(16)[# 7], [Knut](#)(8)[# 80], [Barbara](#)(7)[# 13], [Niils](#)(5)[# 16] og [Søren](#)(2) [# 13]. Borna har, som foreldra, «fra do.» i rubr. «Hvorfra ankomne», men for vesle Søren har presten – med mine augo - skrive «*fød Beersbakken*». Alle, med unntak av Søren, er [notert i «Afgangslistene i Sør-Aurdal»](#) [H side # 3-8].

[Ola Nilson](#) er [døyppt i Bruflat kyrkje 15. mars 1778](#) [H side, 4. ovanfrå], Foreldra hans er [Niils Olson Langedal](#) og [Marit Gudbrandsdotter](#). [Ola](#) var fyrst gift me [d Barbro Sørensdotter](#). [Barbro](#) er [døyppt 19. desember 1779](#)[H side, 5. ovanfrå]. Foreldre er «[Søren Nilsson Granum](#) og [hustru Giertru Knudtsdat](#)». Dei [gifta seg i Bruflat kyrkje 19. april 1801](#)[H side, 8. ovanfrå.]. [Tollev](#)(*Tølleiv*) er den yngste sonen i dette ekteskapet. Ekteskapet med [Gjertrud Knutstotter](#) [kjem 12. april 1827](#)[# 11], truleg i [Bruflat kyrkje](#). Brura er fødd på Fjellseige i Etnedal og [døyppt i Bruflat 16. april 1791](#)[V side, 10. nedanfrå]. Foreldre er [Knut Håvårson](#) og [Ågot Knutsdotter](#).

Tinglysingsboka for Etnedal tinglag fortel at [Ola Nilsen](#) [skjøter Graneim 114/1 til Niils Nilsen 14/6. tingl. 47/-1831](#). Kjøpesum er 200 spd. Dei må så ha vore innom i Bergsbakko (Nord-Aurdal) innan dei legg ut på den lange turen mot Romsdalen.

[Ola Nilson](#) Løvaas får ikkje mange leveår på den nye buplassen. Han dør [10. april 1839](#) [# 8] og vert gravlagt 18. april same år på Aukra.

[Tølleiv Olson](#) (Løvaas) vert konfirmert i [Vågøy krk, 30/9-1838](#)[# 43]. [Knut Olson](#) vert [konf i Vågøy 15/9-1844](#)[# 26]. Etter 1844 et ikkje KB frå Vågøy å finne på nettet. –

«Husmand [Tollef Olsen Djupdal](#)», 40 år gamal, dør 11/10-+1860 [# 23] på Haukebø og vert gravlagt 15. mars 1863. - Har ikkje funne noko giftarmål for han.

«Enke [Gjertrud Knudsdatter](#)» som budde på [Julnæs](#) [dør 9. desember 1863](#) [# 4] . Ho vert gravlagt 15. februar 1863. No er dei fire syskena frå Etnedal vorte foreldrelause ...

[12. juli 1857](#) [# 9] giftar [Knut Olsen Juulnæs](#) seg med enkja [Ane Andersdtr Juulnæs](#). [Ane](#) [dør 6/11-1859, gravl 1/1-1860](#)[# 2]. [Knut](#) står brudgom for andre gong [14. juli 1861](#) [# 6]. Brura er denne gongen «pige [Anna Olsdotter Hatle](#)» (C1). Ho er 30 år gamal og fødd i Sogn, Far hennar er skriven [Ole Monsen](#). «Enkemand, Gaardb.» [Knut Olsen Julnæs](#), 40 aar, giftar seg (for tredje gong) [3/11-1867](#)[# 9] med pige [Karen Stine Karlsdtr](#), 27 aar, fødd i [Bolsø](#) og dotter til Karl Andersen. – [Knut](#) fekk skjøte på [Julneset av Mordal, løpenr 208c, 11. mai 1863, tinglese 9. januar 1864](#). Han vart vel eigar av denne egedomen ved hjelp av giftarmålet med enkja [Ane Andersdtr](#).

[Søren Olsen Haukebø](#) feirar bryllaup med «pige [Ingeleiv Olsd Julnæs](#)» (C2) [23/11-1862](#)[# 15]. Ho er frå Lærdal i Sogn, og dotter til «[Ole Sollesen](#)». [Barbro Olsdotter](#) vert vigd til [Lars Lasseson Mordal 11/9-1864](#)[# 19]. [Lars](#) er [fødd 26/3, dpt 22/6-1834](#)[# 10] i Bolsøy, son til [Lars Sørensen](#) og [Alette Olsdtr](#).

Ved teljinga i 1865 finn vi syskena med ektefeller på ulike partar av garden [Mardal](#). [Barbro Olsdtr](#)(39) og [Lars](#) er [plassfolk under lno. 207](#), [Niils Olson](#) (33) og [Ane Olsdtr](#) er [plass-folk på lno. 208a](#). [Knut Olson](#) er [gårdbruger- og selveier på lno. 208c](#), saman med 2. kona [Anna Olsdtr](#) (C1) har han sonen [Edvard f 20/12-1863, dpt 7/2-1864](#) [# 9], [konf 21/7-1879](#)[# 8], [død 13/12-1882](#) [# 7], gravl. 19/12-1882. [Søren Olson](#) og kona [Ingeleiv](#) (C2) bur òg på [208c](#). Dei har då to born: [Ole Sørensen f 5/5-1863, dpt 2/8-1863](#)[# 30], konf 1878, og [Jertine Sørensdtr f 22/11-1864, dpt 30/4-1865](#)[# 16]. [konf 25/4-1880](#) [# 2], Ho [melder flytting til Kristiansund](#) i 1891 [# 1].

Etter teljinga i 1865 finn ein desse borna døypte i Aukra kyrkjebøker: **Knut Olson Julnes** og andre kona hans, **Anna Olsdtr** » (C1), får sonen **Ole Andreas** (D1) f 12/6, dpt 8/7-1866[# 34], [konf 24/4-1881\[# 29\]](#). Mor, **Anna Olsdtr døyr «i barselseng» 17/6, gravl. 23/6-1866** [# 19] . - **Ole Andreas overtek Julnes 208c på skifte etter faren, tinglese 1/10-1886**. Her er teke av kår til tredje kona til faren, «enke **Stine Karlsdtr**». I ekteskapet med **Karen Stine Karlsdtr** kjem døtrene **Gjertrud Anna** f 2/8, dpt 25/10-1868[# 52] , [konf 1/4-1883\[# 4\]](#). **Ellen Anna** f 14/2, dpt 18/4-1870[# 19] , [konf 26/7-1885\[# 19\]](#), g 3/6-1899 i [Bolsø\[# 7\]](#) m «snedker» **Eilert A Strande** (FT1910), og sonen **Knut**, f 12/10, heimedøypt 18/10-1871[# 53] , død 19/10-1871, [gravl. 31/3-1872\[# 35\]](#).

Barbro Olsdotter og **Lars Larson** vert foreldre til sønene **Olaf** f 7/7, dpt 8/9-1867[# 44] , [konf 16/4-1881\[# 9\]](#), og **Andreas Gerhard** f 27/7, dpt 8/10-1871[# 44] , [konf 11/7-1886](#) [# 6] . Barbro har fått kreft, og [døyr 14. februar 1882\[# 12\]](#). Ho vert gravlagt 18/2 og jordfest 27/8-1882 i Aukra.

Hjå **Søren Olson** og **Ingeleiv Olsdotter** (C2) kjem døtrene **Ingeborg Anna** f 22/8-1866, dpt 7/4-1867[# 5], [konf 16/4-1882\[# 13\]](#), **Olina** f 14/7-1869, dpt 1/5-1870[# 22], [konf 26/7-1885\[# 13\]](#) og sonen **Edvard** f 15/10-1872, dpt 22/7-1873[# 35].

Då teljaren for gjennom bygda i 1900 fann han husmann **Sør(e)n Olsen** og kona **Ingeleiv Olsdtr**(C2) på «plass under Mordal 24/3». No er ikkje **Ingeleiv** Sogning lengre, ho har fått skrive fødestad «Visdal, Romsdal». Her bur òg sonen **Edvard** og kona hans, **Kar(e)n Eline Ulve-stadbakken** f 30/10-1863, dpt 17/1-1864[# 4] i Vatne kyrkje i Skodje på Sunnmøre (FT1865), Dei [gifta seg i Vatne 31. oktober 1898\[# 15\]](#) . Dei har ved teljinga ei dotter, **Sofie** f 16/2, dpt 4/5-1899[# 11] i Aukra. - Mordalsbonden som eig [gnr. 24/2](#) (løpenr 208 b i «den nye matrikkelen») har ein «*Husmannsfamilie utan jord*» ved namn **Nils Olsen** f 1826 i Valders Krs og kona hans, **Ane Olsdtr** f 1832 i Lom i krs. **Ane døyr 20/1, gravl 26/1-1905** [# 3], medan **Nils** dreg sine siste andedrag [26. juni 1910](#) [# 6] og vert gravlagt i Aukra 1. juli same år. Både teljar og prest er same om at **Ane** kom frå [nordre Gudbrandsdalen](#), men ikkje om kva prestegjeld ho kom frå. **Lars Lasseson**, enkjemannen etter **Barbro Olsdotter**, gifta seg omatt [4/6-1883\[# 2\]](#) med Siri-Anna Knutsdtr f 1848 i Fræna.

Vi kjem så attende til eigedommen **Julnes** lno 208c. Ved overgangen til «den reviderte matrikkelen» er dette gardsnr 24, bruksnr 4 (24/4). Her held **Ole Andreas Knutson Julnes** (D1) hus [ved teljinga i 1900](#) saman med kona **Marit Johansdotter**. Dei [gifta seg i Aukra 11. juli 1888](#) [# 3]. Marit er [fødd på Mork i Veøy 26. juni 1858, dpt 5/9 s.å.](#) [# 42] med foreldre «*selveier Johan Sørensen Mork* og hustru **Anne Iversdtr**». **Ole Andreas** og **Marit** har sonen **Knut Andreas** f 9/2, dpt 19/4-1891[# 5]. Stemor til **Ole Andreas**, **Karen Stina Julnes**, er fadder. **Karen Stina** døyr [14/2-og vert gravlagt 20/2-1917 i Molde](#) [# 0].

Ole Andreas skjøter 11. mai 1910 gardsnr 24/4 over til ein **Nils Berg Steffensen**, men held unna utmarkstykket «Råket». «Det undtagne stykket ere skyldsatt som [br.nr 5 Sandbakken](#)».

Ved [folketeljinga i 1910](#) bur **Ole Andreas K. Julnes** og **Marit Johansdtr** på *Sandbakken 24/5* saman med sonen **Knut Andreas** som er «i skomagerlære». Knut tek over Sandbakken med [skjøte av 3/5-1919, tgl 1/12-1919](#). Han giftar seg i [Molde 15. november 1920](#) [# 16] [# 0] med **Inga Lovise Matiasdtr Matberg** f 16/3, dpt 29/5-1898 i Aukra[# 7]. Gravsteinen deira er [registrert på DIS Gravminner, ID3102648](#), Røbekk gravplass i Molde. Det er etterslekt etter dette paret.

Søren Olson er *enkjemann ved teljinga i 1910*. **Ingeleiv Olsdtr**(C2) [døydde frå han 2. januar 1906](#) [# 1]. Han bur på plassen *Mordalsli* saman med sonen **Edevart Sørenson** og kona hans, **Karen**. Edevart og Karen har då døtrene **Sofie** f 16/2, dpt 6/5-1900[# 11], **Emma** f 20/10-1902, dpt 26/4-1903[# 8], **Ingeborg** f 22/12-1906, dpt 14/4-1907[# 4].

Søren Olson er den siste av syskena frå Etnedalen som tek avskil med livet. Han døyr på Mordal 1. februar 1921, nesten 88 år gamal, [vert gravlagt 9. februar og jordfest 21 august 1921](#) [# 3].

Etter mi ringe meining må [Anna](#) [# 129] (C1) og [Ingeleiv](#) [# 118] (C2) vera **sysstre**. Foreldra deira er **Ola Solleivson Hegg** og **Ingebjørg Jensdtr Tråe**. Familien flytta frå [Lærdal](#) [# 5-10] til Aukra i 1841. Neil Hofland har dei [registrerte i databasen](#) «Inner Sogn Genealogy» *1

Det er vel mindre kiv mellom Valdris og Sogning enn mellom [Halling og Sogning](#) !

^A Les meir om Ola Nilson i «Gard og Bygd i Etnedal» - Harald Hvattum 1990 band B, sidene 77 og 102.

^B Gjertrud Knutsdtr nemnd i «Gard og Bygd i Etnedal» - Harald Hvattum 1990 band C s. 117.

*1 Databasen «[Inner Sogn Genealogy](#)» er open, du treng inga passord !

[S-Aga database](#) har òg familien i Etnedal, men der lyt du få passord for å logge inn.


«Hadde e endå vøre i Søreli, so hadde e hatt graut åt tenistguté mine»
Hemsedal, Aurdøl og Slidringar til Hen i Romsdalen i 1834.



Frå
«[oske til eld](#)»

eller

Frå
eld til oske



Nest siste dagen i juli 1834 har presten ved Hen sokn i [Grytten prestegjeld](#) ført inn 2 ektepar med born i [rubrikken «Ankomne til Sognet»](#) [# 57-61]. Dette er «Gardfolk» **Ole Olsen Hovie** og hustru **Ragnild Gulbrandsd** og ..børn **Ole Olsen** (13), **Guldbrand Olsen** (10), **Barbro Olsd** (7). Dei kjem frå «*Slidre i Valdres*» og skal til «*Gaarden Lien i Heens Sogn*».

Frå *Slidre* til «*Gaarden Lien*» kjem òg **Andreas Endresen Egge** (40), «hans kone» **Christi Olsd** (22) og «børn» **Endre Andersen** (11), **Marith Andersd** (9) og **Ole Andersen** (5) [# 62-66]. Det er *ikkje* notert utflytte i [Ministerialboka for Slidre, Lomen, Røn](#) i desse åra.

Ola Olson er skriven Ellestad når borna **Gudbrand Olsen**, dpt [18. juli 1824](#) [# 44], og **Barbro Olsdtr**, dpt 21. januar 1827, vert døypte. Ola er døypt i [Hemsedal kyrkje 28. mars 1784](#). Han vert [konfirmert i Hemsedal 14. mai 1801](#) [# 5], 17 år gamal. Ved [teljinga i 1801](#) er han å finne på *Markegard* i Hemsedal. **Ragnild Gudbrandsdtr** er fødd på *Gudbrandsongarden* i Fødnes i Nord-Aurdal. Ho vert [døypt 22. februar 1789](#) [H side, nest øvst] i [Svenes kyrkje](#) og konfirmert av kappellan Garnes i [Skrautvål kyrkje 17. Juni 1804](#). I 1801 er ho hjå mora og stefaren på «*Fodnees Søndre*».

Ragnild og **Ola** vert [gift i Hemsedal kyrkje 23. juni 1811](#) [H side, 3. nedanfrå]. To av dei fem fyrste borna deira lever ikkje opp^A. Dottera **Kjersti** kjem til verda 8. mai og vert [døypt 7. juni 1812 i Hemsedal kyrkje](#) [# 124]. Nok ei **Kjersti** (*Christie*) [*båe bestemødre skal oppkallast*] f 3/8, dpt i [Hemsedal 3/9-1815](#) [# 66]. **Ola** f 26/12-1821 i Søreli vert [døypt i Gol nyårsdagen 1822](#) [# 15].

Familien kjem til Slidre «*fra Næss med atest Dateret 14 Oktober 1822*». Ole er «*Gaard-mand flyttet fra Næss i Hallingdahl til Ellestad*». Tolv år etter, i 1834, er familien på reisefot att. Då har familien auka. Sonen **Gudbrand** f 14/6, [dpt 18/7-1824](#) [# 44] og dottera **Barbro** f 5/1, [dpt 21/1-1827](#) [# 8] i Slidre prgj.

Medan dei er på Ellestad vert eldste dottera, **Kjersti**(1812), [konfirmert i Lome stavkyrkje 26. august 1826](#) [# 8]. Den hi (namne-)systema har eg ikkje funne blant konfirmerte i Slidre.

Anders Endreson er [døypt i Lome stavkyrkje 19. oktober 1794](#) [V side, 3. nedanfrå]. For-eldre er *Endre Pedersen Skieel* og *Marit Tostensdatter*. Ved [teljinga i 1801](#) finn vi han på «*Skehelde i Lommens Annex*» saman med foreldre og to eldre samt ein yngre bror. Han vert [konfirmert i Hegge kyrkje «af Residerende Capellan Hr. Christie»](#) 15. juli 1810 [H side # 5]. **Anders** er [brudgom 26 desember 1819](#) [# 28]. Brura er «*pigen Berit Olsd Lomen, 21 aar, grmd*», dotter til **Ola Olson** og **Marit Amundsdr.** - Då presten skreiv inn denne barnedåpen i kyrkjeboka skulle ein tru han har smakt *litt for mykje* på altervinen – dåpsbarnet er skrive *Marit*, og han har «*kulka og krot*» over namna til foreldra. Jenta er [døypt «wed Lommen» 13. januar 1799](#) [V side, 7. nedanfrå] og fadderane kjem frå *Ellestad, Egge og Lomen*. Dette lyt vel vera **Berit Olsdtr.** – Så langt eg kan hugse frå 'småskulun' var det heller ikkje lett å skrive med pennspilt og blekk,

Truleg er det «*vår*» **Berit** som står til [konfirmasjon i Lomen stavkyrkje 24. oktober 1813](#) [# 7]. Ho vert konfirmert «*af Sogne Præsten Hr. Christie*» - som nok aldri fekk høve til å sjå Facebooksida «[Bilder i kampen mot særskriving](#)».

Berit og **Anders** får dottera **Marit** f 2/1, [dpt 23/1-1820](#) [# 7], [død 17/1-1820](#) [# 6], gravl. 20. Februar 1820. Dei er då «[Linderster](#)» på [Skjel](#). I [Tinglysingsdokumenta for» Egge søndre og nordre, gnr 25/1](#) i Vestre Slidre finn vi at **Anders Endresen** får skjøte frå *Torsten Evensen* «*dat 7/12-1822, tgl 1/5-1823*» for 500 Spd. Det er skylddelt unna ein part av garden, løpenr. 51b 22/10-1822. Løpenr. 52a skjøter **Anders** vidare til broren **Endre** 1/7-1834^B. – Etter at **Berit** og **Anders** er komne til Egge kjem fleire born til verda: sonen **Endre** f 21/9, [dpt 28/9-1823](#) [# 35], dottera **Marit** f 6/11, [dpt 11/12-1825](#) [# 84] og minsteguten **Ola**, f 28/5, [dpt 31/5-1829](#) [# 37]. Dødsfallet til *Berit Olsdtr* er innført i Slidre Ministerialbok med # 23 1832. **Berit** [døyr 28. juli](#) og vert [gravlagt 2. september 1832](#).

Då **Anders Endres. Egge** gifter seg med «*pigen Kirstie Olsd. Hovie*» [28. oktober 1833](#) [# 8] er han «*Enkemand*». (*stor skilnad på handskrift øvst og nedst på kyrkjeboksida – men det var få som i det heile kunne skrive på den tid!*)....

Det er altså ein svigerfar med familie og svigersonen med born frå fyrste ekteskap som er flyttfuglar over til Romsdalen.

Ved [folketeljinga 1865](#) finn vi **Anders Endresen** (72 år) og **Kjersti Olsdtr** (54 år) som føderådsfolk på garden Bredelid gnr 87/2 i Heen sokn i Grytten prestegjeld. Saman med dei bur sonen **Ola** (25 år). [Panteboksbladet til Bredeli \(Lien\) gnr 62/1](#) (matr.no 34, løpenr. 87) fortel at **Anders Endresen** har fått skjøte tinglese 10/10-1835, eigedommen er skjøta vidare til *Erik Mikkelsen* 9/10-1845 - 8/10-1855 er det skjøta over til *Ivar Hansen Gyldenskov*. Det er vel han og familien hans ein finn i teljinga 1865. *Ivar* skjøter vidare til sonen *Hans Iversen* 17/6-1884.

Endre Andersen Bredelie (1823) vert [konfirmert 14/10-1838](#) [# 7]. Han gifter seg i [Hen kyrkje 1. juli 1844](#) [# 5] med **Eli Johnsdtr Koiflot**, 21 år gamal. Dei får ei dotter, **Berit f 3/4, dpt 7/4-1845** [# 3] [konf 23/9-1861](#) [# 18]. Sonen **John** slær opp augo [3/5 og vert døypt 13/5-1847](#) [# 9], [konf 27/9-1853](#) [# 11]. **Anders** vert [fødd 31/8-1849](#) [# 13], han [døyr 4./9 - gravlagt 10/9 same år](#) [# 9]. Så fyljer ei dotter, **Eli**, f 21/9, [dpt 3/11-1850](#) [# 12]. **Emma** vert [fødd 26/2, dpt 14/5-1854](#) [# 6]. No er familien skrivne *Remmen*. **Anders f 25/7, dpt 3/8-1856 [# 20], (*her var ein stor flokk dåpsborn den dagen*), [død 3/5, gravl. 1/6-1868](#) [# 12]. Faren, **Endre Andersen døyr 19/10-1868, 74 år gml [# 19].****

Ole Andersen Bredelie (1829), veslebror til Endre, vert [konfirmert 20/10-1843](#) [# 4] i Hen kyrkje. Han [melder innflytting til Ålesund 24/6/1851](#) [# 2]. Ved folketeljingane i [1865](#)[019] og [1875](#) [3097] er han busett i Ålesund, og gift med **Edvardine Margrethe Johanne**. Dei har ein son, **Albert Magnus**, f 19/2, dpt 27/4-1862 i Ålesund. I 1875 er **Ole** «*Formand i Brandvagten*» og bur i same hus som «*Brandmesteren*», som i tillegg er «*Rørlægger*». Mellom «*Brandmandskab*» finst ein annan **Ole Andersen Bredelie**, halvbror til **Ole** (son til **Anders Endreson** og **Kirsti Olsdtr**), [f 17/4, dpt 26/4-1840](#) [# 4] i Hen kyrkje. Han bur i same hus. Hja *Edvardine* og *Ole* bur óg *Erik Andreas*, stesonen til *Ole*. Han er nemnd «*Deserteret Matros*».

Ole vert enkemann då [kona Edvardine døyr 21/4-1889](#) [# 30]. Han [gifter seg att 5/7-1894](#) [# 34] med **Anne Serine Pedersdtr** frå Sykkylven. Dei vert foreldre til **Olaf Gerhard**, [f 5/7 dpt 19/8-1894](#) [# 115]. Ved denne dåp er *Ola Anderson* nemnd «*Brandmester*». Vi finn familien ved [FT1900 i «Storgade»](#) i Ålesund. Om *Ola* var brannmann under [bybrannen i 1904](#) kjenner eg ikkje til. Livet tek slutt for **Ole Anderson** [27. juni 1907, gravferda er 1. juli](#) [# 45]. Då er han skriven «*Stenarbeider*». Vi finn enkja *Anne Serine* og sonen **Olaf Gerhard** i [teljinga 1910, busette i Løvenvoldgate i Ålesund](#). At Ø(y)stre og Vestre Slidre vert blanda saman utanfor dalen lyt vi leva med. [Slidre Prestegjeld var ikkje delt](#) då folka frå *Ellestad* og *Egge* reiste frå Valdres.

Giftarmålet til **Marit Andersdotter Lien** (1825) vart funne i 2010 då eg leitte etter «*Val-drisar gifte i andre regionar*». Ho vart gift i [Grytten 2. juli 1846](#) [# 6] med **John Pedersen Aag**. Ho var [konfirmert i Hen kyrkje 27/10-1839](#) [# 2]. Ved [teljinga 1865](#) bur familien på plassen «*Langseth*» i Eid/Voll sokn i Grytten prgj. (*Rauma kommune* etter at [Schei-komiteen](#) omvelta gamle strukturar). - Eg har funne desse borna: **Petter f 14/3, dpt 11/4-1847** [# 4] i [Eid krk, konf 5/10-1862](#) [# 7]. **Ingeborg f 11/10, dpt 28/10-1849** [# 7]. [Konf 15/10-1865](#) [# 14] i Eid krk. Ho vart gift med **Lars O Melsæter** og er [omtala i stykket «Frå bratte bakkar i Dælsbygden»](#). **Mathias f 8/6, dpt 15/7-1855** [# 9], [konf 11/10-1870](#) [# 3]. **Caroline f 28/3, dpt 17/5-1857** [# 3], [konf 13/10-1872](#) [# 13]. **Jørgine f 19/2, dpt 1/5-1859** [# 6], [konf 18/10-1874](#) [# 14]. **Kjerstianna f 4/1, dpt 3/3-1861** [# 5], [konf 3/10-1875](#) [# 15]. **Marit f 10/10, dpt 7/12-1862** [# 15], [konf 30/9-1877](#) [# 14]. **Johan f 12/6, dpt 14/8-1864** [# 13], [død 23/3-1865](#) [# 3]. **Johanne f 26/1, dpt 4/2-1866** [# 5]. **Emilie f 29/6, dpt 10/7-1868** [# 13], [konf 7/10-1883](#) [# 12].

Marit og yngste dottera, **Emilie**, er på [Langset](#) ved [teljinga i 1900](#).

Kva så med det andre paret som kom frå Slidre? – Det ser ut til at **Ola Olson** (1820) tek utflytting til Molde saman med systersonen **Endre Andersen Bredeli**. Dei er nemnde «*Tjenestedreng*» og [attestene er noterte 28. januar 1843](#) [# 81 og 82]. **Barbro Olsdtr Heen**, 19 år får [attest 30. september 1845](#) [#94], «*til Christiansund og vidare til Bergen*». **Gulbrand Olsen Heen**, 22 år får attest 14. juli 1846, han er berre nemnd som «*ungkarl*». Mykje tyder på at dette er borna til *Ola Olson* og *Ragnhild Gudbrandsdotter*. **Ragnhild** er død [29/5-1837](#)[#4], og enkemannen **Ola** [gifter seg 12/5-1839](#) [#5] i Hen kyrkje med **Anne Hansdtr Hegekveen**. **Ola** [døyr 24/10-1864](#) [#34] og vert gravlagt ved Hen kyrkje 20/11 same år.

^A Sjå «*Boka om Gol*» III Gards- og Ættesoge HERAD, (Terje Østro) 1986. – side 211 & 212

^B Sjå «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*» (Geir Beitrusten) 2.opplag 2001 – side 196

^C Sjå «*Hemsedalsboka*» hjå Nasjonalbiblioteket (*nedst på side 80 finn de sitatet i tittelen på dette stykket*) [Database \(Aarsbog\) på GENI](#) – [Namneregister til «Raumadalsfolket»](#)

Fleire band mellom Rottøya i Aure på Nordmøre og Valdres.



I kartet ovanfor peiker pila mot Rottøya. Litt mot sørøst ser de namnet Todalen. Namnet får ein til å tenkje på teikneserien frå [Fonna Forlag](#). Eit snøgt søk på «[Norgeskart](#)» hjå Statens kartverk syner at vi har *tre* gardsbruk og bortimot *ti* stadnamn i Noreg med dette namnet. – *Eindalen* finn ein tre stader og *Tredalen* finn meir enn tre gonger. *Firdalen* har ikkje fire tilslag, her kjem det ikkje opp eit einaste framlegg, så her er det 'fritt fram' for ein døypar !

Vi lyt sørover til grannekommunen [Surnadal](#) for å finne den Todalen teikneserien «[Vangsgutane](#)» var henta frå. Her var brørne *Steinar* og *Kåre Vangen* hovudpersonar. *Mora Sigrid*, *moster Ane på Hjellen*, og han '*Sterk-Ola*' *Bakken* var dei som tippa vektskålene i positiv lei. På hi skåla var han *Martin i Skjorhagen* og sonen hans, han *Larris*. Mange av oss vil kanskje hugse eit Larris-sitat: «*Allting skal ha ein ende*» sa han *KåreVangen*. «*Men pølsa har to*» svara han *Larris* !!

Her lyt eg starte saga frå den «*galne*» *enden*: I Klokkarboka for [Aure](#) er «*Gift inderst Knut Knutsen Rotø*» ført inn som nummer 17. Han *døyr 13. oktober 1907*, vert gravlagt- og jordfesta 19. oktober same år. Han skal vera fødd i 1835 i Øystre Slidre, og har i det siste budd på garden Mæle.



Rottøya sett over Mjosundet

I Halså kyrkje på Nordmøre vert det den 14., 21. og 26. mars 1864 lese opp [lysing til ekteskap](#) for «Ung. *Knut Knutsen Hals* (29 aar) og pigen *Marit Johnsdtr Leevig* (29 aar)». Det har nok ikkje kome

noko protest. Ministerialboka for [Halsa](#) sokn i [Stangvik prestegjeld](#) fortel at paret vert gift 26. april 1864. «*Han er født i Slidre Prgt, hun i Edøy prgt, de i Qvernæs prgt*». Fedrene til brudgom og brur er: *Knud Knudsen Male* og *John Paulsen Storsæther*.

No vert det litt lettare. - Vi er på jakt etter ein *Knud Knutson* frå Øystre Slidre, fødd i 1835. Ein **Knud** er [fødd på Bustebakke 9/10-1835](#)^[# 57] og døypt i Øystre Slidre 18. oktober 1835. Foreldra er «*huusfolk Knud Knudsen Busteba og Marit Jonsd*». (Denne skrivaren har handskrifta til ein cand. med. – som berre ein apotekarar kan tyde) Faren, **Knud Knutson** vert [døypt i Hegge kyrkje 9. oktober 1804](#)^[s 895, 4.ovanfrå]. Besteforeldra er «**Knud Tostensen Hougen** og **Ingeborg Tostensd**. Faddrane kjem frå «*Haugen, Nordtorp, Hegge og Vaarum*».

I fyrste halvdel av september 1838 får to familiar i Øystre Slidre [utflyttingsattester med «Christiansund» som reisemål](#). Eine familien er omtala i «[Klippfiskbyen](#)», den hin er «**Knud Knudsen Rødningen** (32 aar) og hustruen **Marit Jonsdatter** (28 aar) med deres børn **Ingeborg** (5½), **Knud** (3) og **Ingeborg** (½)» ^[# 11-15]. **Marit** og **Knud** [gifte seg 2. februar 1834](#) ^[# 1]. **Marit** var fødd på «*Jonsheggji*»^A i 1810 og voks vel opp i [bygningen som no står på Valdres folkemuseum](#). **Knud** var fødd i «*Vølishaugé*»^B gnr. 26/10 i 1804. Storebror til **Knud**, *Torstein* overtok garden. Garden er den dag i dag i slekta.

Knud Knutson (1804) frå *Slidre Prgj.* [er i teljinga 1865](#) «*Husfader, Gaardbr. Selveier*» på *Kathammer løpenr. 38 i Tingvoll*. Han er no gift med *Bridt Olsdatter* , 56 år gamal , fødd i *Vedø Prgj.* Eg kan ikkje finne *Knud Knutson* nemnd i 'Pantebok for Tingvoll tinglag' korkje for løpenr [38a](#) eller [38b](#). *Knud* har kome sig inn på garden ved å [gifte seg 18/7-1864](#) ^[# 18] med enkja **Brit Olsdotter**. «*Arbeidsmand, enkemand Knud Knudsen Haugen f. omtrent 1806, sidst i Edø, født i Slidre, opholdsted Reiten, Attest af 11/9-1861*» ^[# 9 1861].

Det er lett å blande saman når far og son er 'Knutar', og både mor og kone heiter Marit Jonsdotter !

Knud Knutson (1835) **Marit Jonsdotter** bur ved [1865-teljinga i Sørvik i Bremsnes sokn](#) i Kvernes prestegjeld. Dei har no to Born, **Jon** [f 2/6- dpt 6/7-1862](#) ^[# 33] i Stangvik og **Maria** [f 28/6- dpt 11/9-1864](#) ^[# 136] i Kvernes. **Knud** fekk [skjøte på «en udskilt parcel»](#) av løpenr 230, tinglese 11 oktober 1864. - 12. februar 1867 aukar familien med ei jente, kalla **Karen**, [døypt 24. april s.å.](#) ^[# 54] i Kvernes. **Berit Anna** vert [f 3/12-1871 i Sørvik og døypt 3. juledag s.å.](#) i Kvernes ^[# 144].

Ein finn denne familien mellom «Indflyttede» i kyrkjeboka for [Halsa i Stangvik prgj](#) ^[# 5-10] : 1875: «*Indflyttede de hertil for omkr. 2¼ Aar siden- Kjøbt en af gaardene Blækken, og at beboe og drive den.. Fra Qvernæs Præstegjeld, men han født i Valdres, hun paa Storsæther i Edø... Attest frå Sognepræst til Qvernæs, Thord Rambech dat 5/5 75, ifølge hvilken de nævnte Ægtefolkene føre en christsømmelig Vandel og have kommunikeret ... 1te Søndag efter Trinit 1873*»

I [Halsa](#) vert dei ikkje lang tid, men lenge nok til å døype sonen **Johannes**. Han er [fødd 9. juni- og døypt 4. juli 1875 i Halsa kyrkje](#) ^[# 30]. Foreldra er då «*Inderster*» på Gjengstø. I Panteboka for Halsa tinglag, finn eg for [Blækkan, løpenr 69](#) ^[fol. 92-94] ikkje *Knud Knutson* nemnd.

Familien får utflyttingasttest frå Halsal, «*meddelt 7/8-75. De flyttede Vaaren 1875... Børn .fulgte sine Forældre - Til Aure Præstegjeld, hvor kjøbt Gaard at beboe og bruge..*»

Attesta vert teke imot, og sirleg ført inn i Ministerialboka for Aure prgj som **# 1-7** for året 1876. «*For at tage i Besiddelse den kjøbte Gaardpart i Rotøen*» Røtøen/Rotø/Rottøen/Rotøy har i «[den gamle martikkelen](#)» av 1838 matrikelnummer 6. Dette er delt i to partar med løpenummer 6 og 7. Ved overgangen til «[den reviderede martikkelen](#)»^C i 1886 har «Rottøen» gardsnr 6,og bruksnr. frå 1-4. **Knud Knutson** er eigar av gardsnummer 6 bruksnummer 3. [Panteboksida](#) fortel at **Knud Knudsen Sørvik** ha fått overskjøta bruket frå «*Lars S Garberg ved lensmand Torjul – for 900 spd, datert og tingl- 12. oktober 1875*» - «**Knud Knudsen Sørvik** eller **Rotø**» skjøter gnr. 7/3 vidare til «*fru Camilla Landmark for Kr 6000,00, datert og tingl. 29. september 1896.*»



Stemshaug krk.

Karen Knutsdtr (1867 - [1943](#)) vert [2. juli 1895](#) [# 7] gift i Aure med gardguten **Ole Olsen Mæle** ([1866](#) – [1955](#)). Familien er å finne på Mæle gnr 39/3 både i [1900](#) og [1910](#). Det er vel her, hjå dotter og svigerson, **Knut Knutson** (1835) held til før han døyr i 1907. Slekta etter Karen og Ole sit enno på garden. Sjå òg [Gardtales i Stemshaug](#). (4. avsnitt, side 23)

John Knutson (1862) er «*Inderst, hustømmermand og træarbeider*» ved [teljinga i 1910](#). Dei bur på Nesna 58/3 i Nesna på Helgeland. Kona heiter **Josefine Olausdotter** og er [fødd på Lurøy 20/7- 1869](#) [# 33]

- - - - -

Dei andre banda mellom Rottøya og Valdres vert knytte på hi sida av Atlanterhavet, i Pope County i Minnesota. - **Torsten Johanneson**, som kallar seg Rotto 'over there', var [fødd på Rottøya 11. april 1830](#),[# 15]. Ved [FT1865](#) er han gift med Marit Christensdtr.


Mellom borna deira er **Johannes** (1857 – [1933](#)) som vert gift med **Kari Ivarsdtr Kamrud** fødd i Hipplesbygdé i Nord-Aurdal (1865 - [1924](#)); **Anne** [f 18/2-1865](#) [# 18] som i 1891 vart gift med **Embrik Embrikson** [f 6/8-1860](#) [# 56] i Hallen i Åbjør, Nord-Aurdal – og **Kristian**, [f. 18/7-1862](#) [# 77], gift med Barbro Knutsdotter frå Hovrud i Nord-Aurdal, [f 23/4-1862](#) [# 10] . Ho nytta førenamnet Betsy i USA.

A Jonshegge er omtala i Valdres Bygdebok, «Gardar og slekter i Øystre Slidre, band A, side 305.

B Vølshaugen er omtala i Valdres Bygdebok, «Gardar og slekter i Øystre Slidre, band A, side 376-377.

C «Den reviderte matrikkelen» er [søkbare hjå RHD](#). Ein kan også laste ned reknearkfiler for fylka.

Ågot frå Slidre og Bjørn frå Hemsedal til Romsdalen - «med mellomlanding» i Hillesbygd



I mars månad 1834 skriv [sokneprest Steenbuch](#) utflyttingsattester for 2 familiar frå Nord-Aurdal med flyttemål «Romsdalen». Den fyrste attesta går til **Gudbrand Nilson ThonsEie**, bror tiil **Ola Nilson Granei**. (sjå «[Prestane med geografikunnskap](#)»). Denne familien er ikkje innskriveren i Romsdalen, men er funnen ulike stader i **Troms** fylke.

Den hi attesta, datert 30. mars 1835, får «**Bjørn Ivarsen Semble:Eie** (40) og hustru **Aagot Nielsd** (35)» samt borna **Iver** (6), **Nils** (4) og **Ingri** (1). – Dei er innført [innflytte i Hen sokn i Grytten prestegjeld som husmannsfolk](#) [# 69-73]. Eldste dottera, **Anne Bjørnsdotter f. 6/5, dpt 5/6-1826** i Slidre prgj. er også med foreldra, men ho figurerer ikkje i attestene. Ho vert [konfirmert 10. oktober 1848](#) [# 7] i [Grytten kyrkje](#) på Veblungsnes (Rauma).

Bjørn Ivarson vart fødd på [Brandvoll i Hemsedal](#) og [døpt 2. april 1795](#) [# 73] i [Hemsedal kyrkje](#). Foreldre er Ivar Hanson og Ingri Knutsdtr. **Ågot Nielsdotter** er fødd på Viste i [Røn sokn](#) i (Vestre) Slidre og [døpt 9. septemner 1798](#) [V side, 4. nedanfrå]. Hennar foreldre er *Nils Olson og Berit Torsteinsdotter*. **Ågot** og **Bjørn** [giftar seg i Slidre prgj. 7/11-1284](#) [# 27].

Borna som er nemnde i [flytteattesta](#) er alle fødde på *Semleeige* (gnr. 48) i [Ulnes sokn](#), Nord- Aurdal. **Ivar** [f 4/1, dpt 17/2-1828](#) [# 10], [konf 9/3-1845](#) [# 3] i Hen krk, Grytten. **Nils** [f 16/5 dpt 1/6-1830](#) [# 61], [konf 2/11-1845](#) [# 8] i Hen krk. Veslesyster **Ingri** [f 27/8 dpt 29/9-1833](#) [# 56].

Bjørn [døyr 25. januar 1849 og gravlagt 3. februar](#) [# 1] på Visdal kyrkjegard i Nesset prestegjeld. **Ågot** [døyr 5. juli 1863 på Dale i Hen sokn i Grytten; gravlagt ved Hen kyrkje 19. juli 1863](#) [# 9].

Anne Bjørnsdotter Dale tek [utflytting til Bolsø prgj. 26. mai 1854](#) [# 4]. Inga innflyttingsmelding er funne. [I april 1858](#) [# 5] kjem ein kar frå Veøy prgj. til Bolsø. Han heiter **Anders Trondsen, f 28/7, dpt 31/8-1822 [# 67] i [Veøy kyrkje](#). Foreldra heiter *Tron Aslakson og Gjertrud Andersdtr.* – **Anne** og **Anders** finn saman og ekteskap vert starta i [Bolsø kyrkje 13. november 1864](#) [# 10]. Sonen **Tobias Anderson** kjem til verda på Røvik 10. desember 1864, under månaden etter at foreldra gifta seg. [Ved dåpen 13. januar 1865](#) [# 2] har presten sett eit spørjeteikn etter ordet «ekte» i kyrkjeboka. Det var andre normer den gong enn no (2013). «[O Tempora, o mores](#)». Ved [teljinga 1865](#) bur familien på plassen Reiten under Røvik i Bolsø.**

Anders Tronsen [døyr 29/7 og vert gravlagt 1/8-1888](#) [# 10] i Bolsø. [I 1900](#) bur mor **Anne** og son **Tobias** same stad, men no har **Tobias**, som vart [konfirmert 2/10-1881](#) [# 23], gifta seg med **Mali Nielsdotter** frå Tingvoll på Nordmøre [f 30/1 dpt 23/3-1851](#) [# 14].

Ved [teljinga 1910](#) bur **Anne Bjørnsdotter** (Anne B Røvik) på Solheimdalsgjerde i Bolsø. Ho driv med «[spinding](#)» og er bortsett av «[Fattigvæsenet](#)». **Anne** [døyr på «gamlehjem» 7/4-1920 og jordferda er 14/4-1920 i Bolsø](#) [# 2].

Sonen **Ivar Bjørnson** kan le lesa meir om i stubben «[Handelsmand og Blikkenslager](#)»

Tenestjenta på Male i Hustad – med Åbjørsblod til Romsdalen.



I kyrkjeboka for Bud, avsnittet om inn- og utflytta, finn vi som [fyrste innførsle i 1844](#) denne familien: **Ole Thronsen Loeie** & kone **Ragnild Knusd**. «De medbragte følgende børn» pigeb **Barbro Olsdatter**, drbr **Knud Olsen**, pigeb **Ingrie Olsdatter**. – «Opgiven hensigt med Indflytningen»: *For at bosætte sig*. Dei kjem frå «*Nordre Ourdal præstegjeld*» og «opholder sig» på garden *Skarset*. Dei har med «attest frå Melby dat 22 Juny 1843».

Denne attesta er, så langt eg kan sjå, ikkje innført i nokon av kyrkjesokna i Nord-Aurdal.

Ola Tordson er fødd på Loeige i Svenes sokn i Nord-Aurdal. Han vert [døpt 13. januar 1799](#) og konfirmert i Ulnes kyrkje [14. august 1814](#). Foreldra hans er *Tord Olson* og *Ingrid Jonsdotter*.

Ragnhild er fødd 15. september 1817 på «Midstrand». Ho vert [døpt i Ulnes kyrkje 11. november 1807](#). Foreldre er «*Knud Knudsen Midstrand og hustru Barbro Olsd*». *Knut Knutson* er fødd i Åbjør. Ho står til konfirmasjon i [Ulnes kyrkje 20. juli 1823](#).

Ola og Ragnhild gifter seg 26. januar 1836 [# 8]. Etter fødestad for borna å dømme, må dei ha flytta fleire gonger innan Nord-Aurdal før dei strekkjer vengjene og set kursen over fjella, mot nordvest.

Dottera **Barbro** vert fødd 20. juni 1836 i Rislie på Strønd. Ho er [døpt 2. oktober s.å](#) [# 61]. Sonen **Knut** kjem til verda 27. august 1838 og vert [døpt 21. oktober](#) [# 74]. Tredje barnet, **Ingrid**, får eit stutt liv. Ho er fødd 17/10-1840 på Haganes, [døpt 15. november s.å](#) [# 66] - [gravlagt 7. mai 1841](#) [# 11], ½ år gamal, seier kyrkjeboka. Ei ny **Ingrid** kjem til verda [11. juni 1842](#) [# 19] og vert boren til dåp dagen etter.

På Skarset i Hustad slær sonen **Thor** for fyrste gong opp augo. Han er [fødd 7. april og vert døpt 22. juni 1845](#) i Bud prgj [# 24]. Systera **Sigrid Marie**, fødd 28. november 1848, vert også [døpt i Bud – den 9. april 1849](#) [# 17]. Same dag og stad døyper *Nils Olson* og kona, *Marit Nilsdotter*, jenta Karen. Nils og Marit er óg komne frå Nord-Aurdal, meir om dei kan du lesa i [neste 'småstykke'](#).

Barbro vert [konfirmert 12. oktober 1851 i Bud prgj](#) [# 4]. Her vert óg broren **Knut** [konfirmert, 9. oktober 1853](#) [# 2].

9. mai 1854 får «Gardmand **Ole Thoresen Skarseth** med kone **Ragnhild Knudsdt**» utflyttingsattest til «*Nordlandene*» saman med borna **Ingrid**, 12 år, **Thor** 9 år og **Sigri Maria**, 6 år. [# 3 – 8].

I Ministerialboka for Bodø finn ein i [året 1861 denne innførsla](#) [# 2]: 3. mai 1857 «*Ole Thorsen Skarsæt (58) og hustru Ragnild Knusd (50) – fra Kværnes i Romsdalen fødte i Ourdal i Valdres- indflyttede allerede i 1857 – for at bruke gaard i Valvik*» - [Eg kjem attende til dei nordoverflytta i ein annan bolck](#).

Eldstejenta, **Barbro**, finn vi i [folketeljinga 1865 på garden Male i Hustad](#), der ho er tenestjente hjå enkemannen **Ingebrigt Markussen** og familien hans.

Barbro og Ingebrigt går [inn i ektestanden 13. mai 1867](#) [# 2] - Litt etter vert ei jente innført i kyrkjeboka. **Anne Serina** – [fødd 4. juni 1867](#) [# 39]. Foreldre er Ingebrigt og Barbro. Dottera lever berre 3 månader, og [døyr 17. september 1867](#) [# 21] – Neste barn, **Anne Martha**, lever heller ikkje lenge ([13/8-1868](#) [# 57] – [27/6-1869](#) [# 19]. [13. oktober 1872](#) [# 28] døyper Barbro og Ingebrigt sonen **Sivert Anton** (f. 11/6-1872) i Bud Seks år etter, 4. august 1878 [# 50], vert sonen **Ole Peder** døpt. Han er fødd 20. juni same år.

Sivert Anton vert konfirmert [2. oktober 1887](#) [# 6] og **Ole Peder** [1. oktober 1891](#) [# 12]. Båe i Hustad kyrkje.

Ved teljinga i 1900 er familien på [Male gardsnr 21/10](#) i Bud kommune. Det er no *Markus*, halvbror til **Sivert** og **Ole Peder**, som er gardbrukar. Ingebrigt og **Barbro** er føderådsfolk.

Ole Peder [giftar seg i Hustad kyrkje 20. oktober 1901](#) [#15] med **Karen Serina Halvorsdtr Venaas**. Ein måned tidlegare ([24. september](#)) [har dei døypt sonen Ingebrigt](#) i same kyrkje [# 3]. Men vesle **Ingebrigt** døyr alt [26. november](#) same år [# 1]. Han får snøgt fylje av bestemor **Barbro** som [døyr 3. februar 1903](#) og vert gravlagt 7. februar [# 2]. Mannen hennar, **Ingebrigt**, «*Kaarmand og Medhjelper*», tek avskil med «det jordiske liv» 7. januar 1907 [# 2] og gravferda er 14. januar s.å.

Ole Peder og **Karen Serina** får to born til som døyr som speborn. **Markus** [f. 30/9-1903](#) [# 30] [død 8/12-1903](#) [# 2] og **Barbra Margrethe** f 12/9-1904, [død 27/5-1905](#) [# 7]. – Denne familien har fått mange 'slag i ansiktet' på stutt tid.

På [DIS-Gravminner](#) finn ein at **Sivert Anton Male** er død 21. juni 1947 [ID= 2076175] og broren **Ole Peder** 6. januar 1963 [ID= 2076350]. Båe er gravlagde på Hustad kyrkjegard. Det ser ut til at dei var dei siste med Valdresgener i denne slektsgreiné ! –



Vi ser utover Hustadvika

«Ut mot havet»

Så heiter komposisjonen til nordmøringen [Edvard Fliflet Bræin](#).
Lenge før desse notane kom ned på papiret gjorde ein familie frå Nord-Aurdal det som desse tre orda fortel, dei braut opp frå heimbygda, og reiste «ut mot havet»



Frå Hilme i Ulnes til ordførargjerning i Bud herad i Romsdalen

I [Svenes kyrkje](#) får ein liten gut døypenamnet **Nils**. Dette er den [tiande dagen i november og året er syttennittini](#) [V side, 11. ovanfrå]. Så seier kyrkjeboka for Aurdal prestegjeld. - Foreldra hans er *Ola Embrikson* f.1761 frå 'Bossum' (Bøsei i Svenes sokn) og kona *Berit Nilsdatter*, fødd i 1762 på Fystro i [Røn sokn](#), Vestre Slidre. **Nils** står til [konfirmasjon i Skrautvål kyrkje 30. juli 1815](#) [V side, H spalte, 12. nedanfrå].

[6. mars 1808](#) [H side, 4. ovanfrå] vert jenta **Barbro** døypt i [Skrautvål kyrkje](#). Kyrkjeboka fortel at ho er fødd 3. mars med foreldre *Niels Hansen Aabols-Ejer* og hustru *Barbro Michelsdatter*. (De kan lesa meir om Nils og Barbro i «*Gard og bygd i Etnedal*», band A. side 235 og om Nils i [ValdresSoga](#)). Barbro vert konfirmert i Skrautvål [27. juli 1823](#) [# 3].

Barbro og **Nils** går inn i ektestanden [7. november 1830](#) [# 41]. Forlovarane deira er «Erland Olsen Ulnæs og Knud Amundsen Ringsager». Dette kan tyde på at dei gifta seg i [Ulnes kyrkje](#). – Dei får snøgt ein stor ungflokk. **Ola** (f.2. mai , [dpt 24. mai 1831](#) [# 45]), **Barbro** (f 12. oktober 1833, [dpt 27. oktober](#) [# 65]), **Nils** (f 12. februar 1836, dpt 4. april [# 36]), **Knut** (f 11. mai 1838, [dpt 10. juni](#) [# 55], [død 10. september](#) [# 40] og gravlagt 18. sept. 1838), **Berit** (f 12. september 1839, [dpt 6. oktober](#) [# 41]), **Marit** (f. 8. januar 1842, [dpt 30. januar](#) [# 4]), **Ola** (f 5. april 1845, [dpt 20. april](#) [# 17]).

Kyrkjeboka for [Bud i Romsdal](#) har [10. mai 1846 ei innførsle](#) [# 1-8] i avsnittet for «*Innflyttede (ogsaa Børn)*». Familien er komne frå «nordre Ourdahls præstegjeld – for at bosætte sig paa Hostad». Dei har «medbragt Attest frå pastor Melbye af 10. Marts 1846» (der er inga utflyttingsattest å finne i kyrkjebøkene i Nord-Aurdal). –

Nokre dagar tidlegare, [28. april 1846](#) [# 12], vart «*Ole Nielsen – Hilmen af n. Ourd. Prgt*», 16 år gamal, konfirmert i [Bud prestegjeld](#). Året etter, [24. oktober 1847](#) [# 4], vert systera **Barbro Nielsdtr** (14 år gamal) konfirmert. **Niels Nielsen Hostad** vert konfirmert i «Bod Hovedkirke» [13. oktober 1850](#) [# 7]. **Bereth Nielsd Hostad** står til konfirmasjon [15. oktober 1854](#) [# 7] og **Marith Nielsd Skarseth** [18. oktober 1857](#) [# 11]. Minsteguten, **Ole Nielsen Skarset**, står som **nummer ein** i kon-firmasjonsprotokollen for «Bod kyrkje» [30. September 1860](#) og veslesyster **Karen Nielsd Skarseth** vert konfirmert i Hustad kyrkje [25. oktober 1863](#) [# 2]. Karen er fødd Romsdøl, på «Hostad», 8. januar 1849, og er [døypt 9. april](#) s.å. [# 18].

Ut frå dette er det sannsynleg at familien kom frå «Hostad» til **Skarset** mellom 1854 og 1857. [Panteboksbladet](#) for Skarset i Hustad, Matr no 23 løbe no 58 (*seinare løpenr. 58a - og frå 1886: gnr 23 brn 5*), syner ei skjøte til **Ole Nielsen Skarset**, datert og tinglyst 28/6-1855. I 1861 vert ein del skylddelt unna som [løpenr. 58b](#), og det vert skjøta over til den yngre broren, **Nils Nilson** 29/11-1862 og tinglese 2. januar 1863.

I tida mellom desse gardtransaksjonane har **Ola Nilson** gifta seg med **Karen Erikka Larsdtr Huustad**. [Bryllaupet var 22. juni 1856](#) [# 3]. Ved [teljinga i 1865](#) finn vi dei på *Ino. 58a* i Bud. Dei får etterkvart 7 born: (A1) **Barbro** (f 15/6, [dpt 22/6-1856](#) [# 15], [konfirm. 1/10-1871](#) [# 8]). (A2) **Lars** (f 19/7, dpt [1/8-1859](#) [# 31], [konf. 12/10-1873](#) [# 11]). (A3) **Sally Augusta** (f 2/11, [dpt 25/11-1861](#) [# 4], [konf. 25/10-1876](#) [# 24]). (A4) **Elen Petrine** (f 27/4, [dpt 3/7-1864](#) [# 39], [konf. 5/10-1879](#) [# 7]). (A5) **Beret Anna** (f 22/3, dpt 12/5-1867 [# 16], [konf. 29/10-1887](#) [# 4]). (A6) **Nicoline Maria** (f 4/8, [dpt 21/11-1869](#) [# 39], [konf. 5/10-1884](#) [# b10]). (A7) **Marit Oline** (f 6/11-1871, [dpt 11/2-1873](#) [# 7], [død 18/1/1876](#) [# 6]). Kyrkjeboka for [Hustad](#) fortel at **Ola Nilson** [døyr 14. mars- og vert gravlagd 22. mars 1889](#) [# 3]. Han er då nemnd som «Gift Gaardbruger».

Ungkar **Nils Nilson** (1836) får ein son, **Nils**, med «pigen» *Gjertina Knutsdtr Skottem*. Guten er fødd 2/12-1859, [dpt 15/1-1860](#) [# 4] og [konfirmert 4/10-1874](#) [# 2]. Ved [teljinga 1865](#) er mor og son å finne på Skottem, løpenr 150 [# 009 og 010]. Då Nils [giftar seg i Hustad kyrkje 15. juni 1884](#) [# 3], er han nemnd

Nils Nilsen Sandbløst, og faren er kalla «Fyrassistent Nils Nilsen Skarset». Brura heiter **Eliane Nilsdtr Farstad**, f 31/3, [dpt 25-6-1865](#) [# 29]. Nils og Eliane får mange born, og vi kan finne familien på Sandbløst, gardsnr 9/3 i Bud, både ved teljinga i [1900](#) og [1910](#).

Nils Nilson (1836) gifter seg i Bud [7. januar 1869](#) med **Oliana Hansdtr Josdal**, f 14/10-1840 og [døyp 13. sept.](#) same år [# 23] i Bud. [Ved teljinga 1865](#) er ho tenestejente på Farstad i Bud – hjå broren Hans. Vi finn Nils som fyrvaktar ved [teljinga i 1900](#) på Præstøy i Nærøy, Nord Trøndelag og [i 1910](#) som fhv. Fyrvaktar på Kværnhusbakken i Vikna i same fylke. Kona er skriven Hanna f 1838 i Bud(1900) og Hanna f i Bud 3/6-1939(1910). **Oliana** og **Nils** får sonen **Nils Bernhard** 9. mars 1869, [dpt 9. mai s.å.](#) [# 16]. Sistnemnde utdannar seg til lærar, og er fyrst på 1890-talet tilsett i Bruflat krins i Etnedal. Her vert han kjend med **Anna Syversdotter Molandsveé** f 7/12-1874, [dpt 17/1-1875](#) [# 2] i [Bruflat kyrkje](#), og dei gifter seg om lag 1895. Ved [teljinga i 1900](#) bur paret På Tollevsrud skulegard i [Begnadalen i Sør-Aurdal](#). - Borna er no: (B1) **Helga** f 9/12-1896, [dpt 17/1-1897](#) [# 2], (B2) **Gudrun** f 24/7, [dpt 4/9-1898](#) [# 6] og (B3) **Sigurd** f 17/11, [dpt 31/12-1899](#) [# 7]. - Ved [teljinga i 1910](#) er dei, etter å ha vore innom Norderhov, å finne på [Finstad skule](#) i Lørenskog. Barneflokket har auka med tre hovud sidan førre teljing. (B4) **Nils** er fødd i Sør-Aurdal 13. mars 1901 og [døyp 28/4 same år](#) [# 4]; død 6/10-1971 og gravl. på Østre Gravlund, Oslo [DIS ID 3522859]. - Dei to yngste er fødte i Norderhov: (B5) **Aslaug** f 1903 og (B6) **Reidar** f 1905.

Gudrun (B2) vert gift med lærar **Ola Skrutvold** f 23/12-1882, [dpt 17/1-1883](#) [# 1] i [Skrautvål kyrkje](#). Dei kviler baa på [Haug kyrkjegard](#) ved Hønefoss. [DIS ID [3240016 og 3240019].

Berit Nilsdotter (1839) vert mor til guten **Andreas** 1. april 1864. Han vert [døyp 11. juni s.å](#) [# 21]. og er ved teljinga 1865 å finne på Skarset. Far til guten heiter **Peder Danielsen**. Foreldra er ikkje gifte. Mor og son er på Skarset [ved folketeljinga 1865](#).

Berit vert [7. januar 1868](#) [# 1] gift i Bud med **Halvor Jensen Stavik**, f 12/7, [dpt 26/7-1835](#) [# 17], og [konfirmert i Fræna 13/10-1850](#) [# 9]. [Ved teljinga i 1900](#) bur familien på ytre Stavik, gnr 7/2 i Fræna. Dei har då fått fire born, (C1) **Jens Mathias**, f 23/10, [dpt 26/12-1868](#) [# 58], (C3) **Nils Bernhard** f 14/8, [dpt 24/9-1871](#) [# 52], som [reiste til Quebec 24. mai 1893](#), (C3) **Olaf** f 2/9-1873 [dpt 2/2-1874](#) [# 6], [død 8/9-1906](#) [# 8] og (C4) **Johan Magnus** f 10/5, [dpt 12/8-1877](#) [# 52].

Jens Mathias gifter seg i [Myrbostad kyrkje 1. november 1897](#) [# 11] med **Marta Severine Andreasdtr**, [f 10/7-1865](#) [# 45] i Aukra. **Jens** og **Marta** er foreldre til sønene **Harald** (12/8-1898 – [29/6-1990](#)) og **Andreas** f. 7/4-1901. Dei er òg [på Stavik gnr 7/2 i 1900](#). Når teljaren kjem til [Stavik i 1910](#) er **Berit Nilsdotter** vorte enkje. Ho [døyr 25. januar 1925](#) [# 7], gravferda hennar er ført inn i kyrkjeboka for ytre Fræna, [28. januar 1925](#).

Marit Nilsdotter (1842) [vert gift 3. juledag 1869](#) [# 15] i Bud med **Christofer Johansen Vig** frå [Veøy](#) i Romsdalen. Dei får dottera **Ingeborg Beata** på Skarset 14/1-1869, [dpt 25/3-1869](#) [# 3].

Ola Nilson (1845) bur ved [teljinga 1865](#) saman med foreldra på Skarset. Han er 'Seminarist'. Han er samstundes òg registrert som «[elev ved Seminariet](#)» i Klæbu. Ola [gifter seg 12. november 1888](#) [# 7] med **Kristine Marie Johansdotter Rambjør** f 27/8- [dpt 28/9-1856](#) [# 28]. Ola er då nemnd «[Gaardbruger og Maler](#)». Ved [teljinga i 1900](#) bur dei på Hustad, gnr 18/16 i Bud. Same stad held dei til [ved teljinga i 1910](#). Borna deira er: (D1) **Nils Olaf** f 13/4, [dpt 10/6-1889](#) [# 3], [konfirmert 11/10-1903](#) [# 5],], død 17/2-1959, gravlagd på Hustad kyrkjegard [DIS ID: 2076447]. (D2) **Beret Anna** f 31/12-1891, [dpt 30/3-1892](#) [# 2], [konf. 6/10-1907](#) [# 23]. (D3) **Borghild Marie** f 6/10, [dpt 26/12-1896](#) [# 29] og [konfirmert 27/8-1911](#) [# 25]. Minsteguten, (D4) **Johan Bernhard**, kjem til verda 8. juni 1899 og vert [døyp 27. august same år](#) [# 22]. Han vert [konfirmert i Hustad kyrkje 6. september 1914](#) [# 7], og lagt til kvile ved same kyrkje 6. april 1961 [DIS ID: 2076470].

Då **Johan Bernhard** vert døyp fortel kyrkjeboka at faren, **Ola Nilson** er: «*Gaardbruger, Skolelærer og Ordfører i Herredstyrelsen*». – Vi seier som **Jakob Sande** i diktet/(songen) om '[Gåsa og katten og hanen](#)': ... «**Ja, slik kan det gå her i verda, når berre ein stakkar kjem ut**» !

Minstejenta, **Karen Nilsdtr** (1849), får [30. april 1872 utflyttingsattest](#) [# 6] til Kvernes prgj. Ho har «*Forlangt Attest i tanke at søge sig ind paa Jodermoderskole*». Om ho vert 'Jodermoder' kjenner eg ikkje til, men ho fekk i alle fall bruk for ei. 20/7-1889 vert ho mor til guten **Jens Christian**. Guten vert [døyp i Frei på Nordmøre 22/9-1889](#). Faren heiter **Ole Simensen Ohr**, f 1833 og Paret bur på Gøttnæs. Ein gamal kjenning frå orienteringsløypa, *Per Neremo*, [har lista familien på databasen sin](#).

Kva så med 'utflyttarane'? - Jau, **Nils Olson** (1799) døyr 21. mars 1882 og vert gravlagt på Hustad kyrkjegard 20. mai s.å., 73 ½ år gamal. **Barbro Nilsdotter** vert enkje. Ho gifter seg opp att med enkjemannen **Daniel Ingebrigtsen** på Skarset gno 23/1. Barbro er død før [folketeljaren kjem til gards i 1900](#). Ho [døyr på Skarset 17/4-1900](#) [# 13] og vert 8 dagar seinare gravlagt ved Hustad kyrkje. **Daniel Ingebrigtsen** let att augo for siste gong [1. mars 1910](#) [# 5] i ein alder av ikr. 97 år. I hans levetid møttest [Eidsvollsmennene](#) – og innan livet hans tok ende var Noreg [fri for unionen med søta bror](#) ...



Hustad kyrkje



Nils Olaf, Borghild og Beret Anna Skarseth



Lærer Ola N Skarset og kona Kristine

Frå bratte bakkar i Dælsbygden til ytre Fræna.
Ola Nilson og Marit Larsdotter
Genmateriale frå 'Austa' og 'Heima' åsen treffest, men denne gongen i Romsdalen

I 1846 kjem ein familie til Fræna frå «Dahle i Slidre». Dei skal vera «forpagtere paa Hatlebøen» [\[# 18 – 21\]](#). Dei har med «*attest fra hr Harbitz af 26. Juni 1846*».

I innflyttarlista er dei skrivne **Ole Nielsen Dahle**, 47 aar (f. 1799 Marts 3); **Marith Larsdt Dahle**, 47 aar (f 1799 Febr 9) og «*bondesøn*» **Ole Olsen**. 10 aar (f. 22 Juni 1836), **Niels Olsen**, 7 aar (f i Septb 1839) og minstemann **Ole Olsen**, 4 aar (f 11 Juli 1842).

I innflyttarlista for året 1848 finn vi sønene **Gulbrand Olsen Dale** og **Gullik Olsen Dale**. Dei er [oppført med dato 25. juni 1846](#), kjem frå Slidre og skal vera tenarar på Holmedahl. Attest har dei frå «*G B Harbet af 25. juni 1846*» [\[# 3 og 4\]](#) - I Øystre Slidre er [heile familien nemnde i 1846](#) – i samla flokk – med reisemål Bo Præstegjeld i Romsdalen [\[# 2-10\]](#).

Far sjølv, husmann **Ola Nilson**, er [døypd 20. mars 1799](#) i Hegge kyrkje. Foreldra hans er «Ungkarl Nils Gulliksen Alvstad og pigen Mari Olsdatter Betoe».

Kona, **Marit Larsdotter**, er også [døypd i Hegge kyrkje – 9. februar 1799](#). Ho er dotter til Lars Gulbrandson Berg og Sigrid Helgesdotter. **Marit** vert [konfirmert same stad 26. november 1814](#). Ho har ein veslebror, **Gudbrand Larson**, [døypd 21. august 1813](#). Gudbrand melder innflytting til Bud i Romsdalen [12. mai 1840](#) [\[# 13\]](#). Kanskje er det Gudbrand som får systera og familien hennar til å ta den lange reisa til nordvestlandet.

Marit og **Ola** [giftar seg 21. juni 1829](#). Brudgommen er skriven *Alfstad* og brura *Sørboe*. Forlovarane deira er Christian Brandt og Tosten i Haugen.

Eldstesonen **Gullik** er fødd 3. mars 1828 og [døypd 20. april](#) [\[# 35\]](#) same år. Ved dåpsinnførsla er skriven i kyrkjeboka: «*Hans 7de og hendes 1te Lejermaal*». – **Ola Nilson** må kallast ein [viril](#) kar !!

... Eller let han seg [muta](#) ved å ta på seg farskap for «velhavande eller gifte karar i heimbygda ?

Gullik vert konfirmert av kapellan Heyerdal i Hegge kyrkje [27. juli 1842](#) [\[# 18\]](#). **Gulbrand** vert fødd godt og vel eitt år (1777-1830) etter at foreldra vert gifte. Han vert [døypd 1. august 1830](#). Faren er no skriven Waarum (*Vølé*). Han vert [konfirmert i Lome stavkyrkje 14. juni 1846](#). [\[# 12\]](#). Tredjemann, **Ola**, er [fødd 22. juni- og døypd 26. juni 1836](#). Foreldra er, etter kyrkjeboka å døme, husmannsfolk under ein Alvstadgard (*Ersta*). **Nils** er fødd 1. september- og [døypd 6. oktober 1838](#) i Øystre Slidre. No ser det ut til at foreldra bur på ein husmannsplass under Dale. Femtemann, **Ole**, er [fødd 11. juli og døypd 18. september 1842](#) [\[# 57\]](#), han òg komen til verda i Dælsbygden.

Etter at Marit og Ola kjem til Fræna vert dei nok ein gong spebarnsgråt i heimen. Denne gongen vert sonen oppattkalla etter morfaren **Lars**. Han vert fødd 4. september på «pladsen und Melsæter» og [døypd 3. desember 1848](#) i Fræna.

Då vesle Lars er på tolvte året dør mora **Marit Larsdtr**. Kyrkjeboka fortel at ho er [død 19. april 1861](#) [\[# 13\]](#) på Holsæter og vert gravlagd 12. mai same år i Fræna.

Lars Olson (1848) giftar [seg 17. oktober 1871 i Eid i Romsdalen](#) [\[# 1\]](#) med **Ingeborg Jonsdtr Ora**, f. [11. oktober. 1849](#) [\[# 7\]](#) i Grytten[Rauma]. - Dottera deira, **Maret**, vert fødd 31/ mai 1871 og døypd 27. august s.å. i Eid i Romsdalen. Ho har etter dette ¾ av arvematerialet sitt frå Valdrisar - **Ingeborg** er dotter til Jon Pederson Ora/Aag og **Marit Andersdotter Egge**, [f 6. november 1825](#) i Slidre prestegjeld. Foreldra hennar er *Anders Endreson Egge* og *Berit Olsdotter Lomen*, omtala i stykket «[Hadde é endå vorté i Søreli](#)»

Ola Olson (1842) vert [gift 4. juledag 1865](#) [\[# 11\]](#) i Bolsø i Romsdalen med Eli Knutsdtr. Veblungsnes. (**Barneflokk**) - Han vert gift for andre gong, 24. juni 1902, i Ålesund. Brura denne gongen er Anna Oline Åsen f. 1864 i Vanylven.

Pantebokopplysningar om Melsæter, gardsnummer 66 i Fræna [finn de på Digitalarkivet her](#).

Sjå òg [Per Gjendem: «Historieportal»](#) og [Osvald Rydjords database](#).
 Fleire GENI-brukarar har opplysningar om denne familien, sjå [etternamnsøk på GENI](#).

«Atter og fram, det er like langt; - ut og inn, det er like trangt ! »

Til Romsdalen - og attende .. med retur til Nordmørshovudstaden ..

Ei innførsl e i ei brannskadd kyrkjebok for Kristiansund vart opphavet til denne «jaktturen». Kone **Ane Thormodsen** [døyr 2. februar og vert gravlagd 10. februar 1905](#)^[# 14]. Ho var gift med «[bødker](#)» **Lars Thormodsen**, fødestaden hennar er skriven «Valders, Hestekind». Nokre oppslag i kyrkjebøkene for sørre delen av «vår eigen dal» gjev ei historie å spinne vidare på



Her passar kanskje sitatet frå «[Per Gynt](#)» sjølv om vi ikkje veit om familien tok den same vegen attende frå Romsdalen som dei hadde fare på utferda or Etnedalé. Dersom vi ser nærare på [side 710 i Ministerialboka for Sør-Aurdal](#) finn vi 9. april 1841 med nr. 11 og litra a-h familien «**Anders Olsen** (43) og hans *kone* **Sigri Evensdatter** (39) og *deres barn som ere uconfirmerede*: **Anne** fødested *Hestekind* (16 1/6), **Ole** f 20 Apr 1826 (15), **Anne** (12 1/2); **Erick** f 11 Jr 1831 (10 1/4), **Ingeborg** (8). **Siri** (5 1/2), **Kari** (3 1/12), **Andrea Anders** (3 1/2)».

I rubrikken «Til hvilket Sted» er svaret: «Til *Roms=Da=len for at boe der*». – Bygdebokskrivaren for Etnedal har, sin vane tru, 'fylgt dei ut or kommunen' i 1841^(A), men når han i dag (2013) skriv for Nord-Aurdal, må han versågod også ynskje familien vel møtt til Tonsgrenda - på retur frå Fogderiet i nordvestleg lei.

[14. april 1844 finn vi den same familien i «Innflyttede»-rubrikken](#)^[# 1-10] i Ministerialboka for Aurdal sokn. No har dei «*kjøbt Gaard paa Thon*» - «*født paa Hestekind i søndre Ourdal og indflyttet frå Romsdalen*». Her er fødselsdato notert for heile barneflokket.

Ole (f 1826) vert [konfirmert i Aurdal 15. juni 1845](#)^[# 16] samstundes med veslesyster **Anne** f 1/10-1828^[# 19]. Kan **storesyster Anne** vera konfirmert i Romsdalen ?

Som i nokre tidlegare stubbar får eg køyre snøgt fram, for så å reversera med lægre fart. Ved [teljinga i 1900](#) er **Ane** og **Lars** busett på «Matr.No.» 366 i Kristiansund. 15 år tidlegare [bur dei på «Inndlandet» nr. 368](#) og borna til **Lars** held òg til i husstanden. – *Teljar eller avskrivar har vel blingsa litt med å kløyve Hans Sakarias frå ein til to personar ?*

Lars Tormodsen (f 2. Febr 1833 ([konf 8/10-1848](#)^[# 4])) og «*hans to børn*» **Tormond**, f [9/10-1866](#)^[# 13], og **Hans Sakarias** Valem f [23. April 1869](#)^[# 9], er skrivne inn som [utflytta frå Utsira til Christiansund](#) 31. oktober 1876. Bødker **Lars Tormodsen** flytta til Utsira frå «[Vigedals prgj](#)» og er [innskriven 4. april 1866](#)^[# 1]. Han gifta seg [8. juli s.å.](#)^[# 4] med *Hansine Jonette HansSakariasdtr. Østrem*.

Lars og gutane er skrivne som [# 2-4 mellom innflytta i Kristiansund 1876](#). – Året etter vert «pige **Ane Andersd Hestekind** f 25/2-1825, konf i Næset 1/5-1845; 'ankommet' frå Søndre Aurdal» [notert blant innflytta til byen i 1876](#)^[# 4]. «Opgiven hensigt med Indflytninger» er «*tage tjeneste*».

Anne og **Lars** vert gifte i Kristiansund [ein gong mellom 15. april og 16. mai 1877](#)^[# 27]. [Brannen i 1950 har vore hard ved innførsla i kyrkjeboka](#), men namna til fedrene er godt lesbart.

Med hjelp av innflyttingsmeldinga i Kristiansund vart det lett å finne **Anne Andersdtr Gauproer?** [konfirmert i Nesset 1. mai 1845](#)^[# 14]. Dette tyder på at familien budde i [Vistdal sokn](#) i [Nesset prgj](#). den tida dei vat Romsdalingar.



^A Les meir om Anders og Sigrid i «Gard og Bygd i Etnedal» - Harald Hvattum 1990 band C, side 155. Ein [profil på GENI har Lars Tormodsen](#) opplista –

Frå Kjerstein i Øye til elskhug i Fræna ?

[[Ei ørlita omskriving av Ian Fleming](#)]

«Niels Andersen KjersteensEje» og kona «Magrithe Andersd» [døyper dottera 'Marith' 18. januar 1835](#)^[# 13] . **Marit** var fødd 5 dagen etter det nye året starta. Plassen ho var fødd hadde oppnamnet «*Pussemarké*». «*Gardar og slekter i Vang*» s. 243-244 fortel at oppnamnet kjem av at bestefar hennar Marit alltid ville vera fin i kleda. For oss med litt meir 'på kanten' fantasi, kan også andre årsaker til namnekonstruksjonen tenkjast.....

Marit vert [konfirmert 16. juni 1850](#)^[# 22]. Bygdebokskrivar, statsarkivar Anders Frøholm, skriv at Marit reiste til Amerika i 1862, men eg ser henne ikkje notert mellom «utflytta» frå Vang dette året. Men ho fekk *utflyttingsattest til Frænen i Romsdal* i 1862, [ført i KB året 1867](#)^[# 15].

17. juli 1864 får ei lita jente namnet **Olufine Marie** [ved døypefonten i Fræna](#) ^[# 43] . Barnet var fødd 6. april s.å., og faren er oppgjeve å vera «*ungkarl Ole Olsen Lyngstad*» frå Kvernæs prestegjeld. Mor er «pige **Marit Nilsdatter Kjersten** af Vang i Valdars». Meldar er «grbr Jakob Thorsen Julsæt»

[Folketeljinga 1865 syner](#) at **Olefine Olsdtr** er «Opfostringsbarn» på Malmedal, løpenr 201a i Fræna. Pleieførelde er Jon Pedersen og Mari Olsdtr.

I 1885 bur ei **Olefine Olsen**, f 1864 i Romsdalen, i Bratøraveiten 11, Midtbyen, «Trondhiem kjøpstad». 15 år seinare finn vi **Olefine Marie Jacobsen**, gift med «Dampskibsmatros» **Ole Hartvig Jakobsen** frå Grong, f 1868.

Sonen **Olav Haakon** vert [fødd 13/9 og døypt i Baklandet kyrkje 19/11-1899](#)^[# 352]. Presten noteter: «*Begge forældrene tilhører intet ksf, men afgæe begge ... om at de ønsket barnet døbt*».

Når folketeljaren kjem på døra i 1910 har familien auka med **Julie Marie** f 13/7-1903.

Olav Håkon er nemnd på denne [My Heritage](#) nettsida.

Stuttvarig opphald i Bjørnsnøs

Veni, vidi, reversa (nesten Cæsar)



I [innflyttarlista for Bud prestegjeld](#) er ekteparet **Ole Torgersen Dale**, 37 år, og kona **Guri Pedersdt**, 30 år, noterte med [# 26 & 27](#) .i *foråret* 1846. Dei «bruger gaarden *Bjørnsnøs*» og kjem frå Slidre præstegjeld med attest av 25/6-1846, utferda av [Harbitz](#). «*Norske Gaardenavne*» har garden lista som **BJØRSNØS** gnr. 25 i Hustad sokn, Bud herad.

Paret fekk [flytteattest i Øystre Slidre i juni 1846](#)^[# 9-10]. Dei hadde då «Christiansund» som reisemål.

[8. mai 1850](#) figurerer ekteparet i [utflyttarlista frå Bud](#)^[# 1-3]. Dei skal no attende til «*hjemstædet Slidre i Walders*». Sidan dei kom har dei fått ei dotter, **Gurina**. Ho er [f 20/6 og dpt 17/10-1847 i Bud](#)^[# 38]. – Om ho ikkje er genetisk-, så er ho i alle fall fødd Romsdaling.

Gurine Olsdtr Melby vert [konfirmert i Øystre Slidre 1. juni 1862](#)^[# 50], og presten har krota ned at ho «*udv til Ame reiste 11/4 73*». Ei [Guri Olsd. 25 år, Ø. Slidre \(til Manitowoc\)](#) kan vera ho.

På reisefot til «Klippfiskbyen» Gudbrand Tølleivson og Turi Olsdotter

Gudbrand (*Guldbrand*) er [døpt i Lome stavkyrkje](#) 29. juni 1807. Foreldra er «Tolleiv Gulbrandsen Dahle og Giertrud Tostensd». Desse ektefolka finn vi på garden Dale ved [folketeljinga 1801](#). [# 026 & 027]. *Gudbrand er nemnd i «Gardar og slekter i Øystre Slidre», band A, side 245.*

Turi (*Thuri*) vert [døpt i Slidredomen i 1802](#). Innførsla er mellom alle døypte i juli, men datoføringa er uklår i kyrkjeboka. Turi er dotter til «Ole Juelsen Qvale og Berit Engebretsd». Dette ekteparet har heller ikkje kome unna [folketeljaren i 1801](#), dei er oppført under garden «Qvale» (Kvålsgrendé). [# 29 & 30]. *Turi er nemnd i «Gardar og slekter i Vestre Slidre», band A, side 335.*

'Pige' **Turi** og 'Gaardmand' **Gudbrand** gifter seg 9. april 1829. Forlovarane deira er «Knud Olsen Biellbøle og Ole Brandt». Dei vert gift «i Kirken», men kva for ei kyrkje – det får vi ikkje svar på.

Dottera **Gjertru** (*Giertru*) kjem til verda 10. august 1830 og vert [døpt 26. september](#) same år. Sonen **Ola** (*Ole*) fødd 13. juli, [døpt 4. august 1833](#). Minstemann ved flyttinga til nordvestlandet er **Tølleiv** (*Tolleiv*) . Han kjem til verda [Olsokdagen](#) i året 1837 og vert [døpt 6. august](#) same år.

Gudbrand [skjører frå seg garden 1. september 1838](#) [for 600 speciedalar], og familien tek [utflyttingsattest frå Slidre](#) prgj. til Chsund (Kristiansund N) i 1838 [# 41-45]. Attesta vert levert og familien notert som [innflytta i Kristiansund 10. september](#) same år. [# 6-10].

Kyrkjeboka for Borgund på Sunnmøre har i starten av innflyttarlista for år 1845 ei [oppføring av denne familien](#), men her er årstal 1843 også skrive. Utflyttingsattesta deira er datert 29. Marti 1845. No har det kome til ein gut, **Embret**, f 1/8 og [døpt 9. november 1840](#). Husfar **Gudbrand** er komen «for at bosætte sig som Murer» i Aalesund.

5. juli 1849 finn ein ei [dåpsinnførsle i kyrkjeboka for Haram](#) [# 28] : **Marie Tholine** fødd 19. Mai – foreldre er «Smed **Guldbrand Tollevsen Dahle** og pige **Ingeborg Olsd Brekkeneie**». [Dei gifter seg 30. september](#) [# 7] same år i Haram. **Ingeborg** er [fødd 20. august 1822](#) [# 54] i Vågå i Gudbrandsdalen. Dottera **Gjertine** er fødd 14/1-1852 og [døpt 1/8 s.å i Borgund kyrkje](#). I same kyrkje er òg dottere **Antonette Cornelia** [døpt 30/4-1865](#) [# 60] . Antonette vart fødd 15/12-1864.

Ved [folketeljinga 1865](#) finn vi **Gudbrand** som «Logerende, Smed» på Grimmergaard i Ålesund. Dei fire borna som er i husstanden, er alle frå ekteskapet med **Ingeborg Olsdtr**. Dødsfallet til fyrste kona, **Turi** har eg ikkje funne i kyrkjebøkene for Borgund.

Eldste dotter, **Gjertrud**, [bur ved teljinga 1865 i Ålesund](#). Ho er gift med matros **John Eriksen** frå Grytten. Ho dør som enke i [Ålesund 28. april 1884](#) [# 27] og vert gravlagd 2. mai same år.

[Teljinga for 1875](#) syner at **Ingeborg** (Ingebaar Dale), saman med døtrene **Antonette** og **Marie** samt sonen **Ole** bur på Buholmstranda i Ålesund. Ingeborg er enkje. Ho får stønad frå 'Fattigkassen'.

- - -

For Kristiansund har Digitalarkivet presentert teljinga 1885. Her finn vi på [gardnr 707, i «Korsgade Vaagen 2 Etage» Skomager Meister Guldbrand Dahle](#) f 1821 i Østre Slidre Prgj. og 'hustru' Anna Dahle f. 1820 i Øyer.

Det er nok meir enn ein Gu(l)brand Da(h)le i den store verda !!!

Frå Strønd til Romsdalen Ola Håkonson og Ingri Knutsdotter

17. november 1848 får ekteparet **Ole Haagensen** Nordhøy og **Ingri Knudsd** [utflyttingsattest frå Kleive sokn i Bolsø prgj.](#) til Børkeset i Øre sokn i Tingvoll prgj. Med i attesta er òg borna **Ole Olsen**, 16 aar, **Gjertru Anne Olsdtr**, 5 aar og sonen **Andreas**, 3 aar. – Dei er ikkje å finne i «Tilgangslistene» i Kleive, men innførsler manglar både for Bolsø og Kleive i åra 1840 – 1842.

Dette må vera **Ole(Ola)**, son til **Håkon(Haagen) Olson** og **Gro Jøgersdotter** frå Midtstrønd, [døypt 18. februar 1798](#) i Svenes kyrkje og **Ingri**, dotter til **Knut Olson** og **Marit Julsdotter** frå Svanell(*Svanheld*), [døypt Olsokdagen \(29. juli\) 1798](#) i Ulnes kyrkje. – Ingri og Ola giftar seg [9. november 1820](#) og forlovarane er «Helge Haralds: Agervold og Ole Knudts. Loe»

Panteboka syner [skjøter i sept. 1835 på løpenummer 179 a og 179 b](#) frå **Ole Haagensen**.

17. og 24. juni 1841 er familien [registrert utflytta frå Nord-Aurdal \[# 9 – 17\]](#) til Leganger (*Leikanger i Sogn*). Borna er: [Haagen \[# 66\]](#), 18, **Knud**, 15, **Marit**, 12, **Jøger**, 9, **Ole**, 7, **Guri**, 3 og **Juul** ¼ aar. – Eg kan *ikkje* finne dei registretr innflytta i kyrkjebøkene i Leikanger.



Øre krk. (Gjemnes)

[17. november 1849 kjem ei innførsle i kyrkjeboka for Tingvoll prestegjeld. \[# 20\]](#) «Egtefolk **Ole Haagens** Nordhaug og kone **Engri Knudsd** og Børn **Ole** [# 66] (16), [Gjertru Anna](#) [# 11] (5) og [Andreas](#) [# 14] (3½). NB: I Attesten er anført at de nedbringer fleire barn som ere fødte i Valdars, hvilke dog ikkje nævnes ved namn» ... - Dei to yngste borna er fødte og døypte i Kleive. Ein merknad fortel at dette skal «[sammenholdes](#)» med Lit. 8 i 1851. Der finn vi desse: «ungkarl [Knud Olsen](#) [# 15] Midtstrand, 27 , søster [Marit Olsdtr](#) [# 11], 24, broder [Jøger Olsen](#) [# 11], 22, søster [Guri Olsdtr](#) [# 26], 15, broder [Juul Olsen](#) [# 13], 13.»

Alle kjem «for at være hos sine forældre» og er fødte i «*Ourdals Præstegjeld i Valdars*». Opphaldstad er «*Bjerkeseeth*» og attesta er frå sognepræst Mælby.

Knud Olsen Bjerkeseeth, 27, «født i Valdars i Aurdahls præstegjeld» melder utflytting til Bolsø 10. november 1851. «fattiglem **Knud Olsen Birkeset**, 52 Aar gammel» [døyr 12. januar og vert gravlagd 22. januar 1888 ver Øre kyrkje i Tingvoll. \[# 3\]](#)

Ved *Folketeljinga 1865* finn vi deler av denne familien fleire stader i fylket. Enkemand [Ole Haagensen Bjerkeseeth](#) er no «*Husfader og Jordarbeider*» i østre Schultzhagen i Molde. Dottera **Marit** bur same stad, er ugift, men har ei dotter, [Ingeborg Pedersdatter, fødd i 15/9-1854 Tingvoll.](#)

Dottera [Guri Olsdatter, 30 år](#), fødd i Valdars er tenestejente hjå lensmann Tokle i Tingvoll.

Minsteguten [Andreas](#) er fattiglem på Sørdal i Tingvoll. [Andreas finn vi i 1910 på Myklebostad i Øre](#), han er «*enkemand, udyktig til arbeide og stødd av fattigvæsenet*». Andreas døyr 1. mai 1915 og vert gravlagd 8. mai s.å. ved Øre kyrkje.

Nils Nilson – Opticus i Ålesund.

[10. mai 1835](#) får ein gut namnet **Nils** ved døypefonten i Vang kyrkje. Guten kom til verda 8. april og mor hans heiter **Gjartru Ivarsdotter** (Qvale) . Faren er i kyrkjeboka skriven «**Niels Christophersøn**» Berge. - Fadderane heiter «*Anders Tollevs Qvale, Gjertrud Olsdatter Qvale, Ivar Søndrohl, Trond Nilsen Lajordet, Kirsti Knudsd Søine*». Guri har nok fått eit barn før denne tid, «Moderens 2det, Faderens 1te Leiermaal» fortel merknaden i kyrkjeboka.

Då Gjartru døyper dottera Ragnhild (Madsdotter) [25. april 1852](#) har kyrkjeboka denne merknaden: «*Faderens 3. og Moderens 6. Leiermaal*». – Så ho Gjartru var nok ei omtykt kvinne !

Nils Nilson vert konfirmert i Vang [16. mai 1850](#). No er han innskripen som fødd på 'Bøe, søndre'. Av rubrikken for «Christendomskundskab, flid m: v:» tykkjer presten Nils har vore mellom dei beste i dette konfirmantkullet.

Så finn vi ikkje meir om **Nils Nilson** i Vang, men sju år seinare vert «**Nils Nilsen Svabø** eller Bøen» registrert som [innflytta til Molde](#) «for at arbeide som Svend hos kobberslager Lind». Nils kjem frå Bergen, «men født i Vang i Valdars».

Kyrkjeboka for Molde fortel vidare at **Nils** vert gift 17. mars 1858 med **Elen Maren Høidal**. Ho er fødd 'vesle juleftan' (23/12) 1831 i Borgund (Ålesund) av foreldra: 'farver Hans Henriksen Høydal og kona Marie'. Ho er [døyppt i Borgund 12. februar 1832](#). [# 14]

7. juni 1859 kjem ei dotter til verda i Molde – og jenta arvar ved [dåpen 12. juli 1859](#) [# 18] namnet til bestemor si frå sørre Bø i Vang – Gjertru!

Frå eit Foqderi til eit anna:

Nils N Svabø og familien får i Molde 17/4-1860 [# 6-8] [utflyttingsattest til Ålesund](#) Attåt dei 3 Svabø-folka får òg «svoger Johan Edvard Høidal» attest med same reisemål.

Ved [folketeljinga 1865](#) [# 351 – 356] er Nils eigar av gardane nr. 48 & 129 i Ålesund. Familien har auka med 3 born etter at dei kom til Ålesund: [Johan Arnt](#), [Hans Edvard](#) og [Marie](#).

Frå dåpsinnføringane i Ålesund finn ein vidare borna: [Nils Martin](#), [Christine Nicoline](#) og [Juda Matteus](#).

.... Så kjem ei vond hending til heimen. [28. januar 1873 døyrr Elen Maren/Marie](#). «*Døde paa barsel-seng 1/4 time efter nedkomsten med et dødfødt drængebarn*». Ho vert gravlagd 3/2-1873.

Nils giftar seg opp att 30/6-1875 med Olave Margrethe Olsen. Olave er fødd [9. april 1829](#) i Valderhaug, Borgund prgj. på Sunnmøre av foreldra 'rebslager Christian Olsen og kone Karen Olsdtr.'

Ein kan så fylje familien i folketeljingane frå [1875](#), [1900](#) og [1910](#).


Eg greier ikkje å finne Nils i dødsfall-/gravferds delen i kyrkjebøkene for Ålesund (eller Borgund), men DIS-gravminner har [foto av gravstøtta](#) hans på Nørve gravlund, der dødsdato er sett til 19/9-1912. Ved denne gravsteinen kviler òg sonesonen Nils (3/1-1894 – 17/11-1978).

Nils Nilson finst i kjeldene med fleire yrkesnemningar. Instrumentmakar, Gjørtler og Opticus. På bloggsida til «IvarGunnar» kan ein m.a. lesa om [«Kniven» på Aksla ...](#)

Trøndelagsfylka

Sør- og Nord Trøndelag

(Søndre Trondhjems amt og Nordre Trondhjems amt)



	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Samla
FT1865	6	7	13
FT1875	12	2	14
FT1885 (kjøpst.)	4	2	6
FT1900	15	13	28
FT1910	29	8	37
Flyttemeldingar			
Gifte (ikkje fullstendig.)	3	3	6
Døde	11	7	18

Valdrisar i Trøndalagsfylka

[Stort kart hjå Digitalarkivet](#)

Stavadølen vart fiskar på Frøya

[10. oktober 1869](#)^[21] er det bryllaup i [Sletta kyrkje](#) på Frøya. Her giftar *Pige Beret Marthe Jensdtr Krosnes* seg med *Ungk. Gudbrand Helgeson Stavedalsmoen*. **Beret Martha** er dotter til [Jens Klausen](#) (Bustvig) og [Jonette Jakobsdtr. Beret Martha](#) var f 27/3-, dpt [17/6-1849](#)^[#29] og konfirmert [21/10-1866](#)^[#92]. [FT1865](#) syner at ho då er tenestjente på [Maasøen](#) i Titterens 6. teljekrins.

Gudbrand Helgeson var fødd på [Stavadalsmoen \(gnr.5/3\)](#) 24/11-, dpt [25/12-1841](#)^[#150], konf. i Reinli stavkyrkje [28/6-1857](#)^[#9]. Forelda heitte [Helge Arneson](#) og [Kari Gudbrandsdtr. Gudbrand](#) hadde ein eldre bror, **Arne Helgeson**, dpt [12/4-1840](#)^[#23], konf [11/6-1855](#)^[#8] - og ein yngre bror, **Tore Helgeson**, dpt [25/12-1843](#)^[#169], konf [6/6-1858](#)^[#9] - som bae i [mars 1866](#) ^[#3-4] melder innflytting til øvre [Kvernes](#) i ytre Rendal; sjå stubben «[Tenestegutar på Kværnes i Rendalen](#)».

Arne Helgeson døyr (af [Mæslinger](#)) på øvre Kvernes [10/4-1868](#)^[#13]. **Tore Helgeson** giftar seg i Rendalen [6/6-1870](#)^[#11] med Anne Larsdtr ([Torestuen](#)). Dei har fem born då dei tek utflyttingsattest til Amerika [11/4-1882](#)^[#8-14]. Dei kjem til [Polk Co,MN](#), (sjå side [180/181](#)). Der budde også veslebroren, **Ola Helgeson**, dpt [3/10-1847](#)^[#139], konf Bruflat krk. [22/6-1862](#)^[#9]. I Polk County nyttar bae brørne etternamnet [Bang](#). Dei er omtala på sidene 180 og 350 i «[Compendium of History and Biography of Polk County Minnesota](#)». Eg har vore i kontakt med etterslekt av **Tore** i USA. Sjå stubben «[Tenestedreng på Kværnes i Rendalen](#)».

Gudbrand Helgeson fekk utflyttingsattest frå Sør-Aurdal prgj. med reisemål Hitra prgj. i [januar 1861](#)^[#2, 1863]. Ved [FT1865](#) er han truleg skriven Gudbrand *Gudbrandsen*, 24 år gamal, fødd på *Hedemarken*, då «*ugift, Logerende Jordarbeider*» på Maasøen lno. 291b i Titterens 6. teljekrins. Det er nok her han vert kjend med Beret Jensdotter.

Beret og **Gudbrand** vert foreldre til desse borna: **Karl Johan** ^A f 11/12-1870, dpt Sletta krk. [5/2-1871](#)^[#4], konf [Hallaren krk 19/9-1886](#)^[#6]. **Hans Ulrik** ^B f 17/6-, dpt [27/7/1873](#)^[#29], konf Hallaren krk. [14/7-1888](#)^[#9]. **Jensine** ^C f 12/6-, dpt [24/9-1876](#)^[#41], konf [9/8/1891](#)^[#3]. **Berntine** ^D f 2/2-, dpt [4/5-1879](#)^[#24], konf [15/7/1894](#)^[#17]. **Gusta Laurine** ^E f 6/3-, dpt Titteren [8/5-1881](#)^[#13], konf Hallaren krk [16/8-1896](#)^[#5]. **Mathilde** ^F f 12/6-, dpt Hallaren krk [3/8/1884](#)^[#10], konf [13/8/1899](#)^[#18]. **Otte Gunnerius** ^G f 10/1-, dpt [27/4-1889](#)^[#3], død [7/7-1889](#)^[#7], gravl 13/7 s.å. **Karen Mathea** ^H f 3/8-, dpt [7/10-1892](#)^[#19], konf [21/7-1907](#)^[#15]. - [FT1891](#) syner familien busett på «*Heien*» (lno. 287 til 289), [Husliste #7](#) i teljekrins 7, *Vestre Frøien*, Personsedlar: [fom.#1 tom#7](#). Ved [FT1900](#) er dei husmanns- og fiskarfolk på Myren under gnr. 16/1og2 i «Frøien» herad. Svigermora [Jonette](#) bur saman med dei. Dei re registrert på same stad ved FT1910.

Karl Johan ^A gifta seg [30/5-1898](#)^[#6] med **Juliane Margrete** Paulsdtr, f på Daløy 25/4-, dpt [11/7-1875](#)^[#128], konf [27/7-1890](#)^[#4], dotter til [Paul Antonson](#) og [Inger Marie Kristiandtr](#). Sonen **Ingvald Modrat** ^{AI} vert f på [Kverva](#) 29/9-, dpt Hallaren krk. [20/11-1898](#)^[#35], konf [3/8-1913](#)^[#19]. Så kjem sonen **Paul Gunnerius** ^{A2} f 12/4-, dpt (Olsok) [29/7-1900](#)^[#13], konf [18/7/1915](#)^[#9]. **Josefine Karlotte** ^{A3} kjem til verda 22/4-, dpt [8/6-1902](#)^[#15]. [FT1900](#) ^[#7-10] syner at dei bur saman med foreldra og sysken av Karl Johan på Myren. - **Juliane Margrete** døyr av «tæring» [21/4-1903](#)^[#10] og vert gravl. 27/4 s.å. - **Karl Johan** ^A gifta seg oppatt, i [Nidarosdomen](#), [15/7/1907](#)^[#142] ^[#0] med **Elen Fredrikke** Fredriksdtr, dotter til [Fredrik Adersen](#) og [Elen Nilsdtr](#), f Åstein i [Hemne](#) 3/3-, dpt [9/5-1869](#)^[#27], konf i Hemne [6/7-1884](#)^[#34]. Ho og foreldra er ved [FT1875](#) busette på Fosbak lno. 43e/44f i Hemne. Ho er ved [FT1900](#) tenestjente i Snildal gnr 83/2&3 i Hemne. Paret får sonen **Håkon Julian** ^{A4} f Kverva 23/2-, dpt Hallaren krk. [12/4-1909](#)^[#15], konf [20/7-1924](#)^[#10]. Familien bur på Myren ved [FT1910](#).

Jensine ^C står brur i Hallaren kyrkje [26/7-1896](#)^[#5]. Ektemaken heiter **Johannes Bertinus Johanson**, son til [Johan Kristian Kristofferson](#) og [Johanna Johandsdtr](#). Han var f på [Valen](#) 28/3-, dpt i Sletta krk. [14/5-1865](#)^[#30], konf [10/10-1880](#)^[#29]. Borna til **Jensine** ^C og **Johannes** er: **Gustav Julius** ^{C1} f Titran 30/6-, dpt Hallaren krk [26/9-1897](#)^[#17], konf [7/7-1912](#)^[#11]. **Julie Bertine** ^{C2} f 10/7-, dpt [10/9-1899](#)^[#19], konf [26/7/1914](#)^[#23]. **Berlotte Josefine** ^{C3} f 10/1-, dpt [28/4-1901](#)^[#5], konf [16/7-1916](#)^[#16]. **Hans Ragnvald** ^{C4} f 28/6-, dpt [9/9-1903](#)^[#18], konf [14/7/1918](#)^[#30]. **Håkon Normann** ^{C5} f [Høynes](#) 15/2-, dpt [24/7/1905](#)^[#9], konf [27/6-1920](#)^[#10], død [13/2-1976](#), gravl. Titran kyrkjegard. **Agnes** ^{C6} f Høynes 22/11-1906, dpt [26/4-1907](#)^[#6], konf [30/7-1922](#)^[#14]. **Frithjov Kolbjørn** ^{C7} f 31/3-, dpt [24/7-1910](#)^[#7], konf [5/7-1925](#)^[#16], død [16/2-1983](#), gravl. Titran kyrkjegard. - Familien er ved [FT1900](#) registrert nå [Hamborg](#) gnr. 1/1 i Frøya herad, ved [FT1910](#) på Høynes, plass under gnr. 1/1 i Sør-Frøya herad. Det ser ut til at fleire av borna (i samband med namnelova) kom til å nytte Høynes som etternamn.

Berntine ^D finn òg ein ektemake frå Frøya. Han heiter **Anton Martin** Kristianson. Han var fødd på [Dyrvik](#) 7/10-, dpt Sletta krk. [28/12-1873](#)^[#48], son til Kristian Nilson og Olina Olsdtr. **Berntine** og

Anton gifta seg i Hallaren krk. [2/7-1899](#)^[#6]. Dei vart foreldre til **Bertha Alvhilde** ^{D1} f Kverva 30/9, dpt Hallaren krk. [26/11-1899](#)^[#28]. **Melfrida Albertine** ^{D2} f Kverva 30/3-, dpt Hallaren krk [8/5-1902](#)^[#9], konf [24/6/1917](#)^[#30]. **Gudbrand Charles** ^{D3} f Sørskag 5/8-, dpt [25/9-1904](#)^[#31] og **Hilda** ^{D4} f Sørskag 31/3-, dpt Hallaren krk. [30/8-1908](#)^[#12]. - Ved [FT1900](#) bur familien på Hamborg gnr. 1/1, Ti år seinare, ved [FT1910](#), finn vi dei på Sørskag ([Veita](#), plass under gnr. 17/1) i Sør-Frøya herad.

Gusta Laurine ^E gifta seg i [Bakke krk](#). Trondheim [8/7-1915](#)^[#81] [[Støren](#)]. Ektemaken var **Karl Johan Hansen** f 1/6- på [Gjerdøya](#) i Rødøy på Helgeland, dpt i [Rødøy krk](#). [2/8 1885](#)^[#32], konf [25/8-1901](#)^[#33]. Han er son til [Hans Jakob Knutsen](#) og [Berit Anne Pedersdtr](#). Ved [FT1900](#) bur han saman med foreldre og sysken på [Lamø gnr. 3/1](#) i Rødøy herad.

Mathilde ^F Gudbrandsdtr vert mor til jenta **Bergljot Gunvarda** ^{F1} f 3/1-, dpt [Dahls Stiftelse](#) i Trondheim [9/1-1910](#)^[#0]. Far til jenta er oppgjeve å heite [Aksel Margido Kulstad](#). Vi finn mor og dotter busett hjå foreldra til Mathilde på Myren, plass under gnr 16/1 ved [FT1910](#)^[#4].

Beret Marthe Jensdtr døyr på Myren [1/11-1918](#)^[#9], gravl. 19/1 s.å. medan **Gudbrand Helgeson** døyr [14/3-1932](#). Dei kviler bae på [Sætervollen gravplass](#). Her ligg og sonen **Karl Johan** ^A (Gulbrandsen Kverva) død [15/3-1945](#) og dottera **Gusta Laurine** ^E, død [26/11-1969](#). Gravsteinen syner etternamnet Hansen. Mykje tyder på at **Karen Mathea** ^H er ho vi finn gravl. [12/9-1964](#) på Byneset kyrkjegard i Trondheim – med etternamn Selvåg. ([Liste for Byneset](#))

Paul Gunnerius ^{A2} gifta seg i Hallaren krk [30/11-1925](#)^[#5] med **Berntine Margrethe** Antonsdtr, dotter til [Anton Gabrielson](#) og [Johanne Loretsdtr](#), f [Flatval](#) 3/3-, dpt Hallaren krk. [19/4-1897](#)^[#15], konf [7/6-1912](#)^[#13]. Dei vert foreldre til **Paula Bertine** ^{A21}, f Kverva 3/4-, dpt [13/6-1926](#)^[#8]. Eg vil tru det er **Paula Bertine** ^{A21} vi finn med etternamn Bækken på ein [GENIprofil](#). Der er skrive at ho døydd 23/7-2014. I denne greina har eg vore i kontakt med nolevande etterslekt.

Ein annan [GENIprofil](#) syner etterkomarar av Jens Klauson og Jonette (Nætta) Jakobsdtr, svigerforeldra til Gu85dbrand Helgeson.

Melfrida (Elfrida) Albertine ^{D2} gjekk inn i ekteskap med **Halfdan Bernhard** (Bertinus?) Hammeren i Nordfrøya krk. [24/4-1937](#)^[#8]. Innførsle er også i [Hallaren kyrkjebok](#)^[#0]. Foreldra hans heiter [Bernt Mikkelson](#) og [Ingeborg Maria Benjaminsdtr](#). **Halfdan Bernhard** var f 16/10-1898, dpt Hallaren krk. [1/1-1899](#)^[#1], konf [3/8-1913](#)^[#5].



Kverva, Frøya – Bilete lånt frå [www.kayak.no](#)

Litt drahjelp med denne stubben fann eg hjå «[Hitterslekt.no](#)». - Mykje av [deira TNG-database](#) ser ut til å vera bygd opp etter «[matriarkatmetoden](#)», borna er knytta opp til mora, men ikkje til den i kyrkjebøkene nemnde far. - Eg kan elles leggje til at Gudbrand Helgeson var tremening til ein av mine 4 oldefedre.

Blikkenslager på vandring

Vi startar stubben ved ein barnedåp i Aurdal kyrkje [10/11-1839](#)^[#68]. Dåpsbarnet fekk namnet **Anders** - fødselsdato er 9/7-1839, mora var *pigen Jørand Eriksdtr Kirkevold af Slidre* og faren er skriven *Ung. Ole Andersen Øvre-Solbrækken*. Alle faddrane høyrer til i Aurdal sokn.

Jøren (Jørand) Eriksdtr f [5/2-1809](#) hadde tidlegare dottera Barbro (dpt Røn krk [6/1-1832](#)) med Arne Olson Li frå Bruflat sokn. Med Andreas Olson (Tuv) fekk ho sonen Erik (dpt [2/4-1848](#)) innan ho [26/9-1852](#) giftar seg med Knut Knutson og får sonen Ola Knutson, dpt [1/1-1853](#). - Jøren var dotter til Erik Olson (Landsrud, dpt [26/5-1760](#)) og Sigrid Olsdtr (Prestegarden, dpt [22/12-1778](#)). Erik og Sigrid gifta seg i Slidredomen [31/5-1803](#).

Ola Anderson vart dpt i Skrautvål krk. [4/7-1814](#). «*Gard og bygd i Etnedal*» nemner **ikkje** at han hadde eit barn utanfor ekteskap. Ola er storebror til **Knut Andersson** som ikkje nemnt i bygdeboka, men han er med i stubben «*at tjene og dernest nedsette sig som Husmand*»

Neste gong eg støyter på **Anders Olson** er då han vert nedskriven som far til dottera **Kari**. Ho var f 25/12-1864 og vart vert døypt i Heidal kyrkje [8/1-1865](#)^[#1]. Mor hennar var *pige Marit Olsdtr Bilbeneige*. Her er faren skriven *ungkarl Anders Olsen VistedesØdegaarden af Slidre præstegjeld*. Det er òg notert at det er «*hans 2^{det} hendes 1^{ste} Leiermaal*». Gardsnamnet *VistedesØdegaarden* får meg til å undrast om Knut Knutson som gifta seg med mor til Anders er karen som får skjøte på Visteøydgården (*gnr. 75/10*) 9/7-, tinglyst [2/11-1854](#)^[#7]. Eg vil tru **Anders** vaks opp der, men eg finn han ikkje som konfirmant i Vestre Slidre. Foreldra til **Marit** er ungarl Ole Guttormson Slette og pige Ragnhild Olsdtr. Marit var f 25/12-1843 og dpt i Heidal [21/1-1864](#)^[#3].

[FT1865](#) syner at **Marit** (*skriven Hansdtr*) og **Kari Andersdtr** då bur på Hendeseth løpenr 105 i Valsøyfjord. **Anders Olson** har ved dette høvet adresse i Trondheim, Kongens gade «Tugthuset», der han er «*Fange*». Årsaka til at han fekk dette opphaldet kjem fram i ein merknad då sonen **Ole** vert døypt: «*Manden har været straffet for Falsk*».

Anders og **Marit** har nok halde saman etter å ha vorte foreldre. Dei budde på Brimieige då dei vart gifte i Garmo stavkyrkje i Lom [26/7-1868](#)^[#16]. Snart etter har dei nok teke turen over Sognefjellet. Sonen **Ole** vert f 11/3-, dpt 29/3-1869 i Nes kyrkje i Luster. Så er familien atter på flyttefot. Dei er komne til Vestnes i Romsdalen når dottera **Olina** vert døypt, [16/7-1871](#)^[#47] i Vestnes kyrkje. Ho var f 25/6 s.å. – faddrane er frå gardane Aas og Horgen.

Innan vi finn familien ved [FT1875](#) har dei vore innom i Jämtlands Län i Sverige. Dottera **Marie** vart fødd i Kall i Åre kommun. – Men no roar dei seg i Orkdal i nokre år. Her aukar dei familien med tre nye born: **Kristian** f Nervigsøren 7/8-, dpt [27/9-1876](#)^[#131], **Ragna Jørgine** f Hofsøren 21/6-, dpt [3/8-1879](#)^[#122] og **Karen** f Øren 28/12-1881, dpt [6/4-1882](#)^[#13]. Faren er ved dåp av dei tre yngste borna skriven «Blikkenslager».

Innan **Karen** vart fødd hadde **Anders O Viste** atter teke vandringstaven fatt. Han er registrert som emigrant med «Dampskib Tasso» frå Trondheim [1/6-1881](#), reisemålet er Yanktoon i Sør-Dakota. Kone og born kjem etter med reisemål New York. Dei reiser og ut frå Trondheim med feederskipet Tasso. Ekspedisjonsdate er [20/9-1882](#) og Billetten er «*bet. i Amerika*». (Registreringar: Marit, Ole, Oline, Marie, Kristian, Karen, Ragna).

«*findagrave.com*» syner at **Marit Olsdtr** (Martha Wiste) døydde [19/10-1913](#) medan **Anders O Viste** (*Andrew O Wiste*) levde fram til [22/5-1918](#). Båe er gravlagde på Greenwood Cemetery, Thief River Falls, Pennington Co. i Minnesota.

Ved skrivinga av denne stubben kom songen «Vandraren» fram i minnet



[Greenwood Cem.](#)

*Eg er ein vandrar eg
går i sol går i regn
på jorda styrer eg
etter spor etter tegn.
ingen skal få lov å halda meg
med si kraft eller med bitre ord.
berre prøv så skal du få sjå
mine viltre vingar flyr*

Herborg Kråkevik

Lånt frå: <http://imarieshode.blogg.no/>



[Greenwood Cem.](#)

Handelsmand og Blikkenslager

Fødd på [Semleige](#) i Ulnes

Foreldra og syskena til **Ivar Bjørnson Dale** kan du lesa meir om i stubben «[Bjørn frå Hemsedal og Ågot frå Slidre](#)». **Ivar Bjørnson** har nok teke med seg *Dale*-namnet frå garden [Dale](#) i Hen sokn i Grytten Prgj.

Ivar Bjørnson gifta seg i Orkdal [13/11-1863\[#34\]](#) med enkja **Martha Hansdtr** Vermdal. Ho hadde tidlegare vore gift med [Ingebrigt Olsen](#) (giftarmål [18/6-1849 \[#15\]](#)) og hadde frå dette ekteslaget dottera **Ane Ingebrigtsdtr** f Værmdal 6/7-, dpt [3/8-1851\[#70\]](#). **Martha Hansdtr** vart konfirmert [28/10-1838\[#19\]](#) i Børsa prgj. og det er då notert at ho er fødd 11/10-1823 på [Almli](#). Foreldra hennar er [Hans Thorson](#) og [Ane Larsdtr](#).

Ved [FT1865](#) er er **Ivar(Iver)**, **Martha** og **Ane** busette på Øvne lno 224a,225a i Ørkedal (*Orkdal*) herad. Her er det notert at Ivar er frå Slidre og Martha frå Fron - om dei bae var gode til å skrøne, eller om teljaren var tunghøyrd – er opp til lesaren å ta stilling til

Ane Ingebrigtsdtr vart konfirmert i Orkdal [7/10-1866\[#18\]](#). [FT1875](#) fortel at **Ivar Bjørnson** er «*Huseier og Handelsmand*». **Anne** er *Sypige*. Ho er skriven som «*Deres d(atter)*», medan ho i røynda er stedottera til **Ivar**. Dei bur no på [Kjeldgarden](#), lno. 223 i Orkdal herad. Hjø norgeskart.no finn vi [Kjellgarden](#), så det var vel i dette området **Ivar** var huseigar.

[Husliste#46](#) for Moe, teljekrins *No. 10 i Ørkedalen*, ved [FT1891](#) syner at **Iver Dahle** er *Huseier og Blikkenslager*. Her losjerer òg enkja **Anne Olsdtr** som «*Gaar i Gaardene og karder uld og Strg*». Personskjema finn de her: [Iver](#) – [Martha](#) - [Anne](#). Anne er notert fødd i 1817 i Fron i Gudbrandsdalen.

Det same persongalleriet finn vi på [Kjelgarden](#) under gnr 125 i Orkedalen herad ved [FT1900](#). No er det notert at både **Martha Hansdtr** og leigebuar **Anne Olsdtr** er fødde i Orkdal. Ein kan undrast på om dei freista å setje prøve på teljaren sin geografikunnskap.

Gift blikkenslager Iver Bjørnsen Dahle paa Kjelgaard døyr av «[Forstoppelse](#)» [15/1-1904\[#3\]](#) og vert gravlagd/jordfesta på [Mo kyrkjegard](#), Svorkmo [23/1 s.å](#). Enkje **Martha Hansdtr** Aune f 1823 i *Froen (Gudbrandsdalen)* døyr på [Hoston](#) [29/5-1908\[#12\]](#), gravl Mo kyrkjegard 6/6-, jordfesta 14/6 s.å. I rubrikk for dødsårsak er det skrive «*Alderdom*». – Eg har vanskar med å skjøne kvifor det i så mange tilfelle er synt til Fronsbygdene som fødestad for Martha!

Husmandsenke, fattiglem **Anne Olsdatter** Hostoen f 1817 på Solbjør i Fron døyr på Rye [11/2-1905\[#2\]](#).



Kjellgarden – [ortofoto](#) – lånt frå <http://beta.norgeskart.no> («Flybilder»)

«Arbeider ved Ølbryggeri» Skrautvølskar vart huseigar på Hospitalsløkkan

«Arbeider ved Ølbryggeri» fortel rubrikk «Yrke» ved [FT1865](#) for **Knud Tellefsen**, 44 år gamal og fødd i «Valders». Han og familien bur på «Hjørnet af Dronningens & Volgaden p. [Hospitalsløkkan](#)». Det er ikkje gjort greie for kva bryggeri han hadde arbeid hjå, men de kan lesa om [E C Dahls bryggeri her](#).

Knud var f 6/3- og vart døypt i Skrautvål kyrkje [24/4-1821](#)^[#35]. Ministerialboka fortel at mora var *pigen Ingeborg Thronsdatter* Bratvold medan *ungkarl Ole Halvorsen* Bye frå Toten er «Angivet til Barnefader». Faddrane kjem frå «[SeboØdegaarden](#), [Kolsbrekken](#), [Bratvold](#) og [Schaars](#) Flaten». Ho [Ingebjørg Trondsdr](#) var døypt [20/3-1790](#)^[Hside,8.ovanfrå], og er ved [FT1801](#) notert saman med foreldre og sysken på *Bratvold i Skrut Vold Annex, Ourdahl* prgj.

Guten vart konfirmert i Skrautvål krk. [10/7-1836](#)^[#34]. Han må ha hatt «*eit lyst hovud*», han er dei einaste av 35 gutar som får «Udmerket godt» som «kunnskapsvitnemål». Ved dette høvet er han notert som «*Knud Ols af Tollefs – Bondli*». Som vi ser, tek han med Tollefsen(Tellefsen/Tølløfsen)-namnet vidare på livsferda. – **Knud** er nemnt på side 281 i band A av «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*», men der er ikkje fortalt kvar det vart av han.

Klokkarboka for [Vår Frue kyrkje](#) i Torndheim syner at maler, ungarl **Knud Tøllefsen Bratvold**, 28 11/12 Aar – fødd i *Urdahls præstegjeld*, gifta seg [17/2-1850](#)^[#8] med *pige Elen Elisabeth Brendsvog – 26 Aar*, fødd i Domsognet. I rubrikk «*Brudgommens Faders Namn*» er skrive: *Gaardmand Tøllefsen Bondelie*.

Elen Elisabet var f på Reberbanen 27/5-, dpt i [Nidarosdomen 5/9-1824](#)^[#154] og konfirmert same stad [30/9-1838](#)^[#18]. Foreldra hennar er ved dåpsinnførsla skrivne: *søfarende Jens Knudsen Brendsholm* og *Pauline Andersdr.* (om Brendsvog eller Brendsholm er det korrekte - veit ikkje eg)

Elen og **Knud** får denne barneflokk: **Gerhard Theodor** ^A f 7/12-1850, dpt [5/1-1851](#)^[#2], konf [23/4-1865](#)^[#18]. **Carl Ludvig** ^B f 4/11-1854, dpt [1/1-1855](#)^[#1], konf [4/4-1869](#)^[#24]. **Paul Edvard** ^C f 1/2-, dpt [22/3-1857](#)^[#55], konf [17/11-1871](#)^[#25]. **Anna Maria** ^D f 17/5-, dpt [24/6-1859](#)^[#167], konf [12/4-1874](#)^[#20]. – Alle borna er døypte og konfirmerte i Vår Frue kyrkje.

[FT1875](#) syner familien busette på Hospitalsløkkan 24. Dei to yngste gutane borte frå heimen, medan *Johanna Bjørgan* ([Vaisenhus](#)barn) er pleiedotter hjå familien. **Knud** er her skriven «*Huseier og Arbeidsmand*». **Carl Ludvig** ^B er ved [FT1875](#) «*Sadelmagerlærling*» hjå sadelmager Hoskelsen i Søndre Gade 6 i Trondheim medan **Paul Edvard C** lærer seg *Seilmager*faget hjå seilmakar Johan Odin Stene i Dronningens gt. 6.

Hospitalsløkkan 24 er adresse då **Knud Tellefsen** døyr [27/12-1882](#)^[#1]. Gravferda er ved Vår Frue krk. 3/1-1883. Innan han døydde hadde han i alle fall vorte bestefar til 2 born.

Gerhard Theodor ^A gifta seg i Vår Frue krk. [27/4-1879](#)^[#20] med **Marie Andersen**. Ho var f 5/11- i «*Ihlen*» og dpt [18/12-1853](#)^[#197] i Vår Frue krk. Ho var dotter til musketer *John Andersen Sollie* og *Regine Pedersdr.* –

Marie og **Gerhard** vert foreldre til **Karl Ludvig** f 27/12-1879, dpt [15/2-1880](#)^[#7], **Kaja Elisabeth** f 26/4-, dpt [6/6-1881](#)^[#20] og **Gusta Marie** f 27/9-, dpt [28/10-1883](#)^[#61], død [10/7-1887](#)^[#17], gravl. Vår Frue krk. 16/7 s.å.

Hospitalsløkkene 24 er bustad for familien ved [FT1885](#). - [4/4-1888](#) reiser **Gerhard Tellefsen** frå Trondheim med reisemål [Menomonie, WI](#). **Marie**, **Karl Ludvig** og **Kaja Elisabet** kjem etter, dei reiser frå Trondheim med billett til Nev York 26/4-1893.

Arbeiders enke, **Elisabet Tellefsen** f 1825 i *Trondhjem*, bustad *Voldgaden 1*, døyr [30/11-1895](#)^[#73]. Gravferd ved Vår frue krk. 6/12 s.å.

Frå ulike trinn på «sosial rangstige»

Anne Sophie vart døypt i [Aurdal kyrkje 25/4-1840\[#25\]](#). Ho var fødd på Aurdal prestegard 6/2 s.å. og foreldre var sokneprest [Hans Steenbuch](#) og [Karen Jensine f. Hennÿ](#).

[18/3-1862\[#20\]](#) giftar ho seg i [Trefoldighet krk.](#) i Kristiania med personellkapellan [Johan Adolf Ryberg Bødker](#). Han var f 26/4-, dpt i [Leksvik krk 12/6-1826\[#31\]](#). – Ved [FT1865](#) er familien busette på [Støren](#) og har to søner. Ein [Geniprofil](#) har familien registrert.

[FT1875](#) for [Sundlimo Orkdal](#) fortel at *kone* **Maria Johansdtr** er fødd i *Valders* i 1839. *Ingen* av kyrkjebøkene for områda i Valdres kan stadfesta dette. Då ho giftar seg, i Orkdal [12/3-1866\[#6\]](#), er det òg notert at ho både er *født og confirmeret i Nordre Aurdal*. Brudgommen heiter **Johannes Nielsen** Landmark, 25 år gml, son til **Niels Nielsen Landmark**, *født paa Molde opholder sig i Ørkedalen*. **Marie Sophie** er då 25 år gamal, dotter til **Johan Wilhelm Palm**. Ved [FT1865](#) er det notert at ho er fødd på *Søndmør*. Ho er då *Binderske, Logerende* på Sundlimo saman med sonen **Oliver**. «Etternamnet» til Johan Wilhelm tyder på at **Maria** er tater. (For min eigen del reserverer eg omgrepet «*Reisende*» til [agentar](#) for grossistar og større vareleverandørar til detaljhandel). Det syner seg at **Maria Sophie** var f 21/7-, dpt [26/7-1840\[#18\]](#) i [Hjørundfjord krk.](#) på [Sæbø](#), Sunnmøre. Foreldre er **Johan Wilhelm Palm** og **Maria Carlsd** Kongsvinger. Dette paret er, saman med dottera **Marie Sophie**, med i ein [profil hjå GENI](#) – med m.a. slektene Palm og Rosenberg.

Tilknyttinga til Aurdal kjem av at **Maria Sofie** og systera **Juliane Marie** vart konfirmerte i Aurdal krk. [29/6-1856\[#24&23\]](#). Bakgrunnen for dette er fortalt hjå [Eilert Sundt](#) «*Fortsat beretning om Fantefolket*» [s.88-89](#) (same tekst frå Inger V Kvernodd si avskrift på [s 85-86](#) hjå lor.no). Eg vel å tru at [sokneprest Melby](#) hadde stort hjartelag, også for dei som var halde for å høyre til på nedre del av «rangsstigen».

Då **Oliver Magnus** Johannesson vert konfirmert i Orkdal [13/10-1878\[#12\]](#) er det notert at han var fødd i Fræna 2/12-1863. [FT1900](#) syner at han då er [Toldbetjent](#) i Kristiansund.

Ein brukar av den kommersielle nettenesta «[My Heritage](#)» har lagt ut ein opplysning om at Nils Nilsson Landmark, far til Johannes Nilsson, er fødd i Nord-Aurdal, Valdres **7. mai 1798**. No byrjar ikkje fødselsdatoane å bli nedskrive i kyrkjebøker for Aurdal prgj. før 1808, så kvar nemnde dato er funne, skulle vera moro å vita. (Som de skjønar er eg ingen ‘fan’ av korkje «*My Heritage*» eller «*Geni*»). Eg kan legge til at ein gut **Niels** vert døypt i Aurdal kyrkje **4. mai 1798** av foreldre **Niels Knuds Landmark** og hustru **Ambjør Erichsd.** (Sjå [FT1801 #026](#)). Han vert konfirmert i Aurdal kyrkje [19/7-1812](#) (samstundes med ein av mine 8 tippoldefedre).

Hjå Eilert Sundt «*Fjerde Aars-Beretning om Fantefolket*» er skrive([side 93](#)): «Nils Landmark (*Valders-Nils*) F.B. No. 563, 61 Aar. (Støren). Same tilnamn har karen i «[Fanteregisteret](#)» 1845 (i gamal databaseform)

«Me vinka og ynskte dei lukkeleg tur,
og høyrde til slutt som ein døyande dur
korleis dei velsigna og takka.»

Jakob Sande

Barnedåp i Aurdal - vidare til Selbu

Det er notert ein barnedåp i Aurdal kyrkje [26. april 1872](#)^[#63]. Bakar [Asmund Knudsen](#) frå Røldal og [Ingeborg Pedersdtr](#) vart 17. mars 1872 foreldre til ei jente, ho får no namnet **Josephine Marie**. Mellom faddrane er ein «Bager Ekro*(Ekrod/Ekros/Ekrol?)» samt folk frå [Øyé](#) og [Syndvøllhaugen](#). Det er òg notert at foreldra er «gift 1 aar-(Selbo)». Her ser det ut for at foreldra har pynta noko på sanninga. Dei gifta seg i [Selbu krk. 7/2-1873](#)^[#2]. Brudgomen var då nemnt [Seim](#), 25½ år gamal, brura 24 år.

[Aasmund \(Osmund\) Knutson](#) var f 7/6-, dpt i [Røldal krk. 29/8-1847](#)^[#7]. Foreldra var «*Pigen Anne Engebretsd Hamrene under Aarhus?* og *Ungkarl Knud Usmon Præstegaarden*». Osmund vert konfirmert [10/4-1865](#)^[#9]. Det synest som om Røldalspresten var ein streng kar, det er mange som har vore «[forberedet](#)» både 3,4 og 5 gonger innan dei har fått knela ved alterringen.

Ingeborg Pedersdtr var fødd på [Bårset](#)(Borset) i Selbu 26/6-, dpt i Selbu krk. [8/7-1849](#)^[#74], konf 19/7-1864[# 17]. Foreldra hennar er husmannsparet [Peder Johnsen](#) og [Mali Olsdtr. FT1865](#) syner at dei bur på Børsetmoen.

Josefine Marie og foreldra er ved [FT1875](#) busette på ein husmannsplass, løpenr. 54a i Selbu. Ved [FT1900](#) finn vi henne busett på [Skrattåsplass](#) under gnr 31/1 i [Egge herad](#) (Steinkjer). Ho er no gift med «*arbeider ved [sinkgruve](#)*» [John Johnsen Moan](#) f ikr. 1864 i Holtålen og paret har sonen **John Adolf** f 4/10- på [Vondgrova](#) i Ålen sokn, dpt [Ålen krk. 8/11-1896](#)^[#30].

Sivert, Marit og «Gamlehjemmet»



Hagen på «Gamlehjemmet» i [Kongens gate 91b](#) (frå «[digitalmuseum.no](#)»)

Vi var innom **Marit Nilsdtr** frå Øye i Vang i stubben «[elskhug i Fræna](#)». Vi treffer henne att ved [FT1875](#), då «*Logerende*» i Trøen lno.206 m.fl i Strinda. Ho er no gift med Sivert Lodvig Johansen, Dagerbeider paa Garden Trøen. Sivert var f 21/5-1837 på [Lotvikan](#) i Ytterøy (no Levanger kommune), dpt i Ytterøy krk. [9/7-1837](#)^[#11], konf. [8/10-1854](#)^[#7]. Han er son til husmannsfolka [Johannes Lotvig](#) og [Ingebor Pedersdtr](#).

Eg har hittil ikkje greidd å finne nokon av dei i FT1900, men er bra trygg på at det er ho **Marit** frå «*Pussemarké*» vi finn som «[Trængende](#)» i Ganlehjemmet, Kongens gt. 91b i Trondheim ved [FT1910](#).

Reinsgjetardottera på Røros

[Renvogter Lars Johansen Myrås](#) og kona [Lucie Mortensdotter](#) døyper dottera **Maria Cecilie** i Vang prgj. [25/3-1894](#)^[#8]. Jenta var f 19/1 s.å og foreldra sin bustad var [Ellingbø](#). - Litt om [reinsafari](#) og [Tamreinlag](#) kan de finne på nettet. Dei fleste livdyrflokkane vart i starten henta frå dei [sørsamiske områda](#) ved Femunden og på Rørosvidda. Gjeratar frå dette området var ofte med på turen attende.

Ved [FT1900](#) er **Maria Cecilie** og foreldra attende på Røros. [Lars Myrås](#) er no i arbeid ved [malmgruvane](#).

Skræppehandlaren losjerte i øvre Kleven

[Du veit, dæ æ mangt å sjå på vei'n](#)

Eistein Eisteinsen f 1852 i Aurdal er ved FT1875 registrert som Logerende, ug(ift), [Skræppehandler](#) på plassen [øvre Kleven](#) lno. 142 i Strinda herad. - Eg vèl å tru at dette er **Østen Østenson** som vi ved [FT1865](#) finn busett på Rønsmoen i Etnedal.

Skrepphandel ([Omførselshandel](#)) var nok ein leveveg for mange yngre karar. FT1865 har [12](#) presonar med denne nemninga, FT1875 har [29](#), FT1900 har heile [460](#) medan FT1910 syner [136](#). De kan gjerne lesa saga til Per Sivle, «[Vossingjen aa mor hans](#)» om han Kolbein Hauso som vil *tena nokre skelinga med kramskreppo*. (Legg då merke til ho Gamle-Marta på Bakka som var «Dagbla»)..

Østen vert [26/12-1879](#) [#22] gift med **Johanne Kristiansdtr** frå Ringsaker og paret vert sidan busette i Vardal. Eg kjem evt. attende til dei i ein seinare stubb. Lat meg til sist ta fram ei oppteljing av dei som har førenamnet Østen/Esten frå folketeljingane, (Sjå òg [Jul2009](#))

	Østen	Østen/Øystein/Øistein			Esten	Esten/Eistein/Eystein	
	1800	1865	1910		1800	1865	1910
Østfold	12	8	41	2	2	3	
Akershus	17	7	62	0	2	10	
Kristiania	11	8	138	0	5	33	
Hedmark	14	8	32	132	206	134	
Oppland	200	286	163	5	3	4	
Buskerud	56	50	76	0	1	3	
Vestfold	8	7	21	0	0	5	
Telemark	107	192	173	0	2	1	
Aust Agder	0	8	5	0	0	1	
Vest Agder	12	11	25	0	1	0	
Rogaland	49	143	186	0	0	2	
Hordaland	64	77	76	0	0	3	
Bergen	13	15	36	0	0	8	
Sogn og Fjordane	128	155	102	0	0	0	
Møre og Romsdal	6	17	25	41	45	20	
Sør Trøndelag	0	1	21	278	306	234	
Nord Trøndelag	1	2	25	34	56	26	
Nordland	23	28	57	3	5	5	
Troms	3	3	11	1	18	18	
Finnmark	0	3	1	2	5	9	
	724	1029	1276	498	657	519	
Østen+Esten	1222	1686	1795				
% Østen av total	59,2 %	61,0 %	71,1 %				
Østen : Oppland 1865				Esten: Hedmark 1865			
N Gudbrandsdal		45		Nord Østerdal		198	
S Gudbrandsdal		147		Sør Østerdal		8	
Biri/Vardal, Toten, Hadeland		12		Esten: Sør Trøndelag 1865			
Land		21		Røros, Støren, Selbu		175	
Valdres		61		Oppdal, Meldal, Orkdal, Rennebu		37	
Østen: Sogn & Fjordane 1865				nord for Trondheimsfjorden		17	
ytre Sogn		28		Trondheim m omland		77	
indre Sogn		22					
Sunnfjord		80					
Nordfjord		25					
Østen: Telemark 1865							
Innlandskommuner		178					
Kystkommuner		16					

«[Han kom strevande med skreppa si, på ryggen – i ei reim](#)»

Frå Sæbesyder til Sæbefabrikbestyrer (*Øien & Wahl*)

Ein lyt passe seg for å nytte ordet «[Såpekokar](#)» i negativ meining [[Sæbe](#)] [[Syde](#)]

Knud Olsen Dalen af Storødegarden og *Marthe Eriksdt* døyper sonen **Ole** i [Bagn kyrkje 11/11-1855](#)^[#56]. - [Knut Olson](#) var f 30/7-, dpt [19/8-1827](#)^[#59] og var son til [Ola Knutson](#) og [Anne Knutsdotter\(S-AGA\)](#). Han vart konfirmert i Bagn krk. [23/7-1843](#)^[#118], der han òg [28/12-1853](#)^[#36] gifta seg med [Marthe Eriksdtr.](#) Marthe var f 2/1-, og dpt i [Romedal krk. 22/1-1832](#)^[#10]. Ho var «uægte» dotter til [Berthe Anstendsdtr](#) [Horneeige](#) og [Erich Christiansen LilleFrenning](#).

[Knut Olson](#) (Vilhemsbråten under Storøydgården) og [Marte Eriksdtr](#) vert vidare foreldre til gutane [Anton](#) f 15/6-, dpt Bagn [12/7-1857](#)^[#27] og [Elling](#) f 7/10-, dpt Bagn [13/11-1859](#)^[#51]. Familien er nemnde på side 222 i band B av «Gard og bygd i Sør-Aurdal. Noko tid har etter 1859 har dei flytta frå Sør-Aurdal, men eg har ikkje funne dei notert i utflyttarlistene.

[Knut Olson](#) [kjøper garden Skogstad](#) gnr [47/6 i Torpa](#). Han får skjøte frå [Mikkel Olson](#) (veslebror til [Knut](#)?) 18/12-1860 og skjøter vidare til [Ole Kristofferson](#) 7/7-, tingl. 8/8-1877. Ved [FT1865](#) er familien registrert på [Skogstad](#) (då skrive [Skougstad](#)) i Land prestegjeld. [1875-teljinga](#) syner at familien framleis har bustad på [Skogstad](#) (no skrive [Skaugstad](#)), og at familien har auka med tre døtre, [Berte Maria](#), [Kristiana](#) og [Tomette](#). [Knut Olson](#) døyr [2/1-1891](#)^[#1], gravl 13/1-1891 – medan [Marte Eriksdtr](#) ved [FT1900](#) truleg er er ho vi finn på [Bakke nedre, gnr 50/3](#). Ho døyr på [Bakke 10/11-1901](#)^[#11], gravl. 16/11 s.å.

Ola(Ole) Knutson, han vi skal fylgje vidare i denne stubben, vert konfirmert i [Åmot kyrkje](#) i [Torpa 9/10-1870](#)^[#2]. I [1875](#) budde han på [Skogstad](#). Han har nok så flytta til hovudstaden og funne seg arbeid.. Då han giftar seg, i [Jakobs krk.](#), [Kristiania, 27/11-1891](#)^[#76] med **Anette Iversdtr** – er han nemnd «fabrikmester» med bustad [Sofienberggt 25](#). **Ola** har no teke «etternamn» frå garden i [Torpa](#); **Skaugstad**. – [Brura, Anette Iversdtr](#) var f på ein plass under [nordre Tråset i Fåberg 9/6-](#), og dpt i [Fåberg krk. 19/6-1859](#)^[#122]. Foreldra hennar var husmannsparet [Iver Olson](#) og [Karen Olsdtr](#). Då **Anette** vart konfirmert i [Fåberg 5/10-1873](#)^[#49] var bustaden hennar [nordre Lien](#).

Då dei ei to eldste sønene, **Knut Maartmann** ^A [Skaugstad](#) f 27/3-, dpt [Petrus krk. 18/6-1882](#)^[#144] og **Iver Kornelius** ^B [Skaugstad](#) f 22/7-, dpt [Paulus krk. 2/9-1883](#)^[#208], kjem til verda – bur familien framleis i [Sofienberggt. 25](#).

Ved [FT1885 \(teljing i byar og kjøpstader\)](#) har familien flytta nordom [Dovrefjell](#). Dei bur no i [nedre Aasveien, «Ilen og Udmarken» teljkrins](#) i [Trondhjem by](#). Dei får i alle fall fire born fødde i [Trondheim: Antonie Bergljot](#) ^C f 16/2-, dpt [Ila krk. 11/4-1887](#)^[#19], konf [Nidarosdomen 5/10-1902](#)^[#24]. **Ole Adrian** ^D f 18/11-, dpt [Vår Frue krk. 26/12-1888](#)^[#55], konf [Ila krk. 19/4-1903](#)^[#17]. **Adolf Ferdinand** ^E f 6/11-, dpt [Ila krk. 11/12-1891](#)^[#58], konf [Ila krk. 30/9-1906](#) ^[#10] og **Magnus William** ^F f 10/2-, dpt [Ila krk 14/5-1894](#)^[#26], konf [Ila krk. 4/10-1908](#)^[#13]. - Dei to eldste borna er òg konfirmert i [Ila kyrkje](#), **Knut Maartmann** ^A [25/4-1897](#)^[#2] og **Iver Kornelius** ^B [17/4-1898](#)^[#2]. - [Ilevolden 13](#) er bustad for familien både ved [FT1900](#) og [FT1910](#).

Knut Maartmann ^A [25/4-1897](#) har nok vorte kjend med «[bogholderske](#)» **Astrid Alnæs**. Dei får ein son, **Ole (Andreas)** f [Granlien](#) i [Kvikne prgj.21/7-](#), dpt [Innset kyrkje](#) i [Kvikne 3/8-1902](#)^[#7]. **Astrid** bur ved [FT1900](#) på [nedre Baklandet 61](#). Foreldra hennar er [Anders Kornelius Alness](#) og [Anna Kristine](#). **Ole (Andreas)** finn vi ved [FT1910](#) hjå faren/besteforeldra på [Ilevolden 13](#). - **Iver Kornelius** ^B har i [FT1910](#) adresse [Rosenborggt 22](#). Han er «banksekretær» og gift med **Marie Scheldrup** f i [Trondhjem](#) i 1884. - **Antonie Bergljot** ^C vert [22/8-1912](#)^[#14] gift, i [Ila krk.](#), med bokhaldar **Valdemar Bernhard Thoresen**, f 14/7-, dpt [Frosta krk. 15/8-1875](#)^[#64], son til malermester [Theodor Anders Thoresen](#) og [Jonette Olsdtr.](#) - **Adolf Ferdinand** ^E giftar seg i [Lillehammer krk. 13/6-1927](#)^[#0] med **Signe Marie Lie**. Ho var f på [Strømmen](#) i [Inderøy 14/9-](#), dpt [Sakshaug krk. 6/12-1891](#)^[#42]. Ho bur i [Trondheim](#) både i [FT1900](#) og [FT1910](#). Foreldra hennar er [Anton Olsen Lie](#) og [Regine Karlsdtr.](#)

Hjå DIS-Gravminner finn vi desse dødsfalla/gravferdene registrert: **Anette Iversdtr** gravl. [Stavne gravpl.](#) [Trondheim 27/4-1940](#). **Ole Adrian** ^D [Skaugstad](#) gravl. [Lademoen 18/11-1948](#). **Adolf Ferdinand** ^E gravl. [Tilfredshet gravpl.](#), [Trondheim 11/5-1974](#), kona hans, **Signe Marie** gravl. [16/5-1980](#) og **Magnus William** ^F gravl. [Tilfredshet gravpl. 6/10-1967](#).



« Ei lita misstyding »

Det er ikkje alltid det som står i bygdebøkene som er sanninga !

«Gardar og slekter i Øystre Slidre» band B, side 791:

Kristen Kristiansen (1812-88)
 G.m. 1) Kari Nilsdotter f. Kleivbråten (1812-64)
 Born: *Kristian*, f. 1842
 Nils, f. 1844, emigrerte, men kom på sine eldre dagar heim att, døydde i
 Trondheim
 Kari, f. 1857
 G.m. 2) Barbro Gudbrandsdotter Selsbråten (enkje)
 Born: Marit, f. 1867

Eg har lita tru på at Nils «emigrerte» - han var truleg i Noreg heile livet. At han døydde i Trondheim er rett. Forfattaren har vel fått feil info frå slekta i Slidre.

Nils Kristenson (Tuff) vart fødd 29/4-1844 og døypt i [Røn kyrkje 20/10 s.å.\[#91\]](#). Han er son til husmannsfolka [Kristen Kristianson](#) ([1812\[V side, nedst\] -1888\[#1\]](#)) og [Kari Nilsdtr](#) ([1812\[V side, 4 ovanfrå\] -1864\[#3\]](#)). **Nils** sto til konfirmasjon i Hegge kyrkje [26/6-1859\[#17\]](#). Ved [FT1865](#) er han «[Dagarbeider](#)» på [Løsnæs](#) nedre, lno. 153 i Fåvang sokn, Ringebu prgj.

Nils Kristenson har så lagt turen litt sørover att, [2/2-1871\[#4\]](#) er han brudgom i [Gausdal krk.](#) – Brura heiter **Marthe Bolette Olsdtr** [Leerbæk](#) frå Id prgj. ved Fredrikshald(Halden). Ho var f 18/11-, dpt i [Enningdal krk. 26/12-1843\[#86\]](#) og konfirmert same stad [2/10-1859 \[#32\]](#). Foreldra hennar er husmannsparet [Ole Andersen](#) og [Inger Andersdtr](#) frå [Lysekasene](#) under [Skjæggerød](#). **Marthe Bolette** er ved [FT1865](#) «[Kokkepige](#)» hjå «[Skibsfører](#)»-familien Berg i [Storgaden](#) i Fredrikshald kjøpstad.

Då **Marthe Bolette** og **Nils** gifta seg hadde bae opphaldstad på [Toft i Gausdal](#). Forlovaren heiter *Christian Olsen* Nordre Toft. **Nils** er her skrive med fødestad *Skattebo i Vestre Slidre*, noko som verkar sjølvmotseiande – [Skattebu](#) ligg visseleg i Øystre Slidre. Det ser ut som **Nils Kristenson** vidare i livet har valt å nytte Skattebo som «etternamn».

Så har ekteparet flytta seg langt sørover. Ved [FT1875](#) bur dei i Sølvgaden 286 i Fredrikshald. **Nils** er *skibstømmermand ved Lorges Værft*. Dei har no tre døtre, **Inga Caroline** f på nordre Toft 30/9-, dpt Follebu krk. [20/11-1870\[#130\]](#), konf Fredrikshald [12/4-1885\[#28\]](#), **Olga Christiane** f Fredrikshald 1/12-1872, dpt Fredrikshald prgj. [16/2-1873\[#17\]](#), konf Fredrikshald [2/10-1887\[#17\]](#) og **Andrea Cecilie** f Fredrikshald 29/12-1875, dpt Fredrikshald [12/3-1876\[#33\]](#).

Sonen **Christian Olav** vert f 5/9-, dpt Fredrikshald [7/10-1877\[#101\]](#) og dottera **Nora Marie** f 18/8-, dpt Halden [24/12-1882\[#149\]](#). [FT1885\[#023-028\]](#) syner at familien no bur på *Ino 179*, ([Lavendel-stredet 3](#)) *matr. no. 283 m.fl* i Fredrikshald kjøpstad. **Nils** er no nemnt «[Tømmermand](#)».

[FT1900](#) syner at familien har flytta til Trondheim. Foreldra og døtrene **Inga Caroline** og **Nora Marie** bur no på Johanneslyst i Trondhjem kjøpstad. Døtrene er «*Cassersker ved Tivoli*». «*Snedker*» er yrkesnemninga til **Nils**. - **Nils** og **Marthe Bolette** bur på same adresse ved [FT1910](#). No er berre dottera **Nora Marie** registrert saman med foreldra. Ved kommunal teljing for Trondheim i [1925](#) finn vi framleis **Nils Chr.** Skattebo på Ilevolden 7.

Marie Bolette Skattebo døyr [14/12-1915\[#48\]](#), gravl. 20/12 s.å. - *Bygmester Nils Skattebo* døyr på Ilevolden 7, [27/5-1927\[#14\]](#) og vert gravl 31/5 s.å. Bae kviler på [Tilfredshet kirkegård](#) i Trondheim. Under same gravstein finn vi òg dottera **Nora Marie** og mannen hennar, **Ole Saksvik**.

Inga Caroline finn vi i [FT1910](#) busett i Willhelmsgate 4 i Kristiania. Ho er no gift med musikar **Johan Hugo Dorn** f 1874 i Altona ved Hamburg. Dei har ei dotter, **Solveig**, f 27/5-1903 i Stokholm.

Olga Christiane gifta seg i [Trefoldighets krk.](#), Kristiania [20/1-1893\[#10\]](#) med **Carl Friedrich** (Fritz) **Topp** f 1869 i Wetter, Westfalen i Tyskland. Han er då «*Tjener*» på hotell Metropol , ho har bustad i [Deichmannsgt 2](#). Sonen **Hugo Kristian Fredrik** vert f 25/4-, dpt Trefoldighets krk. i Kristiania [18/6-1893\[#101\]](#), konf [Ila krk. 3/10-1909 \[#1\]](#). Sonen **Frits Andreas** kjem til verda 18/6- i Søndregate i Trondheim og vert dpt [5/4-1896\[#28\]](#) i Nidarosdomen og konf Ila krk. [12/5-1912\[#5\]](#). [[Wiki Strinda](#)]. Familien er både i [FT1900](#) og [FT1910](#) registrert på «[Hjorten – Forlystelsested](#)» i Trondheim. [Familiegravstaden](#) er på Tilfredshet gravplass i Trondheim.

Nora Marie og **Ole Jørgenius Saksvik** gifta seg i Ila krk. [4/11-1911\[#19\]](#). Dei får borna **Leif Jørgen** f 27/2-1912, konf [8/5-1927\[#41\]](#), død [12/9-1941](#), **Gerd Marion** f 30/6-1916, konf [12/5-1929\[#16\]](#), død [21/10-1998](#), gift med **Harald Lorentzen** (8/4-1912 – 1/12-2005) og **Yngvar Norbert** f 6/2-1916, konf [10/5-1931\[#12\]](#), død [30/6-1985](#)



Prest, Prost, Student, Lærer, Professor



Litt annleis enn [barneregla for prestekragekronblad](#)
– men lell då, gut

Lat oss starte med fyrste kronblad, presten. To Slidringar var **prestar** i Trøndelag – baa vart sidan prostar. Vi hoppar difor snøgt over til andre kronblad, **prosten** – men legg til at baa karane er omtala på side 117 i «[Norges Gejstlighed](#)». Eg 'bøyer meg' for alderen - og tek den eldste fyrst:

Ole Berge var den yngste i eit syskenlag på åtte. Han vart f 28/12-1834, dpt [1/2-1835](#)^[#11], konf i [Slidredomen 7/7-1950](#)^[#9]. Foreldra hans var *Ola Gudbrandson* ([1784-1873](#)) og *Ingri Tomasdr* ([1792-1873](#)). Dei gifta seg i [Røn kyrkje 4/11-1810](#)^[Hside, nedst]. Ein kan òg ta med at stefar til Ingri var rosemålar *Ola Hermundson*. De kan finna meir om garden Berge i «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*» [side437](#). - Ved [FT1865](#) finn vi **Ole** som «*Cand Theol, lærer ved Borgerskolen*».

Ole giftar seg [25/9-1867](#)^[#59] i [Gamle Aker krk](#) med **Hanne**(Hanna) **Mangor**. Ho var f på Tangen i [Øyestad](#) 19/7-, dpt i [Øyestad krk. 19/9-1841](#)^[#105], konf Arendal [11/4/1858](#)^[#6]. Ho er dotter til «**propriator**» *Peter Mangor* og *Cathrine f Juell*. Hanne(Hanna) er i [FT1865](#) registrert med adresse *Pilestrædveien* (Nedre Bakkehuset med Gartnerbolig) saman med mora *Cathrine* og brørne *Nicolai* (Styrmand) og *Herforth* (Stud.artium). På same adresse finn vi m.a. [Osscar Sars](#) ^[#019], *Cand p t Fiskeundersøgelsesmand*.

[Raa prestegard](#) i Kvæfjord er bustad for familien i [FT1875](#). Dei har no borna **Olaf** ^A f Hægskougen i Vestre Aker 20/6-, dpt [Vestre Aker krk. 13/9-1868](#)^[#231]. **Kathrine** ^B f 26/3-1870 i Kristiania, **Ingrid** ^C f på Kvæfjord prestegard 6/11-, dpt i [Kvæfjord krk. 26/11/1871](#) ^[#78]. **Anton** ^D f 25/4-, dpt [13/7-1873](#)^[#28] og **Sofie** ^E f 6/7-, dpt [16/8-1874](#)^[#68].

Medan prestefamilien bur i Kvæfjord får dei òg sonen **Tomas** ^F f 13/6-, dpt [8/8-1876](#)^[#61]. **Ole Berge** vert i 1878 sokneprest i [Buksnes](#) på [Vestvågøy](#) i Lofoten, der yngste dottera, **Olga Johanne** ^G, kjem til verda 24/7-1880. Ho vert døypt i [Buksnes krk. 28/4-1880](#)^[#166]. Her vert **Olaf** ^A konfirmert [27/7-1884](#)^[#1] medan systrene **Katrine** ^B og **Ingrid** ^C vert konfirmerte [24/7-1887](#)^[#1&2]. [10/1-1888](#) ^[#2] døyr **Sofie** ^E, og vert gravl. ved Buksnes krk. 20/1 s.å. – [Bygdeboka](#) fortel at det var eit ulykkeshende.

[FT1891](#) syner at familien Berge no er komne til [Berg prestegard](#) i Strinda. ([Husliste](#), Person-sedlar [f.o.m – t.o.m](#)). WikiStrinda har [ei nettside](#) om soknepresten/prosten. **Olaf** ^A er no «*medicinsk studerende*», medan systera **Ingrid** ^C er «*midlertidig fraværende*» i «*en Pensionsanstalt i Tyskland*». **Anton** ^D er «*Elev af den tekniske Skole i Thjem*». Her er også to «*Logerende*», baa elevar ved *den tekniske Skole i Trondhjem*, [Holm Holmsen](#) f 1872 i Fredrikstad og [Alf Vindingstad](#) f 1874 på Hitra. *Alf* er son til Eivind Olson frå Veningstad i Volbu. Familien er i [FT1875](#) busett på Øen, lno. 80 på Hitra, der Eivind er residerande kapellan. Eg vil tru det er *Alf* som reiser frå [Kristiania 1895](#) med reisemål Chicago. Han er då titulert Arkitekt.

Når vi kjem fram til «*Berg Præstegaard*» i [FT1900](#) er **Ole Berge** titulert «*Provst og Sogne-præst*». Av borna bur berre yngstejenta, **Olga Johanne** ^G, saman med foreldra. **Olaf** ^A er no «*Cand.med, Assistentlæge*» ved [Eg Asyl](#) i Kristiansand kjøpstad. **Kathrine** ^B er i [FT1900](#) «*Selskabsdame*» hjå bankchef Jørgen Breder Faye på [Torvalmendingen 2](#) i Bergen kjøpstad. **Ingrid** ^C finn vi i [FT1900](#) busett hjå verksmester ved [Akers værksted](#), Johan C Woxwold., der ho er «*Husbestyrerinne*». **Anton** ^D er busett på [Tangen](#), Drammen kjøpstad ved [FT1900](#). Han er ingeniør, tilsett ved [Drammen Jernstøperi](#).

I tiåret som kjem finn ein at tre av borna til prost Berge går inn i ekteskap. Fyrst ute er **Ingrid** ^C, ho giftar seg i Lade krk. [12/10-1901](#)^[#16] med *Wilhelm Jentoft*. Han var f på Balstadøy 11/1-, dpt [13/7-1873](#)^[#48] i Buksnes krk. og konfirmert [18/8-1889](#)^[#1]. Foreldra hans er *væreigar* *Jakob Lind Jentoft* og *Anne Schønning*. – Jentoftfamilien treffer vi òg på i stubben «*Smeddottera og son til nessekongen*». Ei slektstavle ([blix-dahle.no](#)) syner at «*son til nessekongen*» er syskenbarn med far til Wilhelm Jentoft. Paret får ei dotter 13/9-1902, ho får namnet **Inger Sofie** i Strinda krk. [27/6-1903](#)^[#23]. Wilhelm reiser frå Trondheim med reisemål Chicago, IL i 1904, **Ingrid** og **Inger Sofie** kjem etter i [februar 1906](#).

Olaf ^A **Berge** giftar seg i [Kristiansand 11/4-1903](#)^[#20] med *Ida Mohn*. Ho var f 27/7-, dpt i [Korskirken](#) i Bergen [17/8-1877](#)^[#80]. *Ida* var dotter til kompagnichirurg *Theodor Vilhelm August Mohn* og *Louise Henrike Kristiana Münster*. Ved [FT1885](#) bur ho saman med faren og fire sysken i Store Markvei 21 i Bergen, i [FT1900](#) bur ho saman med faren i [Østre Strandgade 7](#) i Kristiansand. - Ekteparet får borna: **Finn** ^{A1} f 23/8-1904, **Leif Mohn** ^{A2} f 5/4-, dpt [Leinstrand krk 14/10-1906](#)^[#7] og **Liv Mangor** ^{A3} f 8/9-, dpt [Leinstrand 1/12-1907](#)^[#16]. Familien er medtekne i ein [Geniprofil](#). Ved [FT1910](#) bur dei i Nygaarden gnr 45/5 i Leinstrand herad.

Olga Johanne ^G giftar seg i **Ila krk.** i Trondheim [23/3-1907](#)^[#4] med «ingeniør ved Stats-banernes Markeriavdeling» Trygve Stansberg. Han var f i Drammen 3/7-1880, dpt i **Strømsø krk.** [18/4-1881](#)^[#25] og konfirmert i Strømsø [12/4-1896](#)^[#6]. Han er son til «jernbanebogholder» Karl Johan August Olsen (Stansberg) og Hilda Lorentze Larsen. Han bur ved [FT1900](#) saman med foreldre og sysken på Strømsø gård nr.216/213. **Olga Johanne** ^G og Trygve fekk dottera **Sofie Elisabeth Juell** ^{GI} f Frydenlundsgt 6, Kraa 7/6-, dpt i **Gamle Aker krk.** [14/8-1910](#)^[#101]. Familien bur ved [FT1910](#) på Skovli gnr 197/64 i **Bækkelaget**, Nordstrand prgj. i Aker herad. Her bur òg fhv prost **Ole Berge**, kona **Hanna** og den ugifte dottera **Kathrine** ^B. – Eg går ut frå at **Olga Johanne** ^G og Trygve Stansberg òg var foreldre til **Eva** (1/3-1912-[27/5-1977](#)) gm **kommandør Gunvard Eugen Stenrød** ([8/12-1902](#)^[#9] - [20/2-1987](#)) og oberst **August Stansberg** (8/11-1913 - [25/12-1998](#)), gravl Drøbak. [[Sjå nuav.net](#)]

Ole Berge døyr på **Rikshospitalet** 2/10-1912 og vert gravlagd ved **Haslum kyrkje** 10/10 s.å. Han er ved dødsfall notert med adresse Stabekk, Skovtjernet. Dødsårsak er «**Apoplexia celibri**». Kona **Hanna**(Hanne) døyr i «**Heimdalen i Leinstrandens anneks til Melhus prgj.**» 15/11-1915 og vert gravl. ved **Haslum krk.** 22/11 s.å.

DISgravminner syner at lege **Olaf** ^A **Berge døyr i 1915** medan kona **Ida døyr i 1967**. Same gravstein deler dottera **Liv Mangor** ^{A3}, ho **døyde i 1995**. **Finn** ^{AI} **Berge døyr 21/2-1960** og er gravlagd på Tøermo gravplass i Porsgrunn saman med **Nina Mather f Reine** ([25/9-1908](#) – 13-3-1987) medan **Leif Mohn** ^{A2} **Berge døyr 2/2-1992** og kviler på Solheim gravplass i Bergen. Gravsteinen syner òg **Elsa Berge** f Aune (11/3-1917 – 12/9-1998).

Ei **Kathrine Berge** døyr [21/5-1952](#) og vert gravl. på Haslum kyrkjegard i Bærum 6/9 s.å. **Olga Johanne** ^G Stansberg døyde iflg. DISgravminner [19/8-1936](#), gravl. Drøbak 26/10 s.å. Ektemannen **Trygve Stansberg** døyde [17/6/1959](#), gravl. Møllendal gravplass i Bergen. **Sofie Elisabeth Juell** ^{GI} Hammerstad er død [20/6-2002](#), gravl 11/9 s.å på Vår Frelzers gravlund, Oslo. Ho var truleg (som enkje) gift med B Erling Hammerstad (1909-[1986](#)) [[Sjå Brukarforum#144](#)].



Tjueto år yngre enn Ole Berge er **Nils Brandt**. Han var son til «**kirkesanger**» **Ole Brandt** (1818-1880) og **Anne Maria Gudbrandsdtr** (i.kr.1818 [[konf 28/7-1833](#)] -1893). **Nils** var 7. barn i ein flokk på seks gutar og tre jenter, Han var f 5/1-, dpt [10/2-1856](#)^[#25] i Vestre Slidre prgj., konf [7/4-1872](#)^[#4] i **Vestre Aker krk.**. Då han vert konfirmert er han busett på «**Hægdehaugen**». «**Norges Gejstlighed**» fortel at han vart «**cand theol**» i 1883. **Nils** gifta seg i **Ila krk.** [14/3-1889](#)^[#8] med **Gunhild Kristiane Johnson**, dotter til sokneprest **Anton Kristian Severin Johnson** og **Decima Secunda Lange**. **Gunhild** var f 20/3- på Alvdal prestegard, dpt [10/4-1869](#)^[#25] i **Alvdal krk.**, konf [24/4-1887](#)^[#1] i Ila krk., Trondheim. Ho er syster til bestefar til **prosten i Valdres** i tida 1987-2009. «**Alvdal – ei bygdebok**» bind I har på [sidene 245 og 246](#) omtale av **A K S Johnson** og familien hans.

Sonen **Olav** ^A vart f i **Karasjok** 24/7- og dpt 16/9-1890. Desse opplysningane er innført i samb. med konfirmasjonen hans, [7/10-1906](#)^[#24] i **Ranes krk.**, **Surnadal**. **Maria Secunda** ^B arvar namn frå både farmor og mormor. Ho er f 24/10- og dpt i Ila krk. [26/11-1891](#)^[#48]. Ho vert konf i Raner krk. [6/9-1908](#)^[#14]. **Anton Johnson** ^C f 21/3-, dpt **Nesseby krk.** [30/4-1893](#)^[#5], konf **Meldal krk.** [3/10-1909](#)^[u.nr]. **Gisle Johnson** ^D f 24/4, dpt **Nesseby krk.** [11/7-1897](#)^[#5]. **Nils** ^E f Øye i Surnadal 1/4-, dpt Øye krk. [3/6-1900](#)^[#4]. **Georga Johnson** ^F f 16/3, dpt Øye krk. [1/5-1904](#)^[#5]. **Gunhild Johnson** ^G f 19/4, dpt Øye krk. [14/6-1908](#)^[#5] og til sist **Eli Vigdis** ^H f på **Meldal prestegard** 2/10-, dpt Meldal krk. [30/11-1913](#) ^[#46].

Prestefolket bur ved [FT1900](#) på **Øye prestegard** gnr. [61/1 i Surnadal](#). Her finn vi òg **Ambjørg Tuff** frå Vestre Slidre, ho «**gaar husmoderen tilhaande**». Ho er tremenning med borna til prestefolket, og storebror hennar, **Professoren**, kjem vi attende til i siste bolk av denne stubben. - Ved [FT1910](#) er familien Brandt å finne på gnr 76/1 i Meldal. Hjå **Digitalt Museum** kan de finne eit bilete av foreldre og born «**på verandatrappa**». (bilete til høre)



Omtale av prost **Brandt** kan de finne i «[Hvem er hvem 1930](#)» - og i boka «[Meldal kyrkje \(1650-1950\)](#)». Ein [profil](#) hjå Geni har familien med. **Olav** ^A er nemnt hjå [familierøtter.no](#). Ein gamal kjenning frå orienteringsløypa, Per Neremo - (samlar at «*fiine*» folk), har med [far til Nils Brandt](#) i databasen sin.

Maria Secunda ^B vert gift i Meldal krk. [17/9-1919](#)[#9] med lækjar [Knut Toresen Bydal](#). Han var f i Vestre gade i [Lillesand](#) 26/6- og dpt [12/7-1891](#)[#10] i [Lillesand kyrkje](#). Det er notert i innførsla ved giftarmål at [Knut Bydal](#) er konfirmert i Bø i Vesterålen. Foreldra hans er sokneprest [Hans Rudolf Bydal](#) og [Bergitte Gunhilde Bentsen](#). [Hans Rudolf Bydal](#) er omtala i boka «*Norges geistlighet og andre norske teologiske kandidater i fast stilling i 1925*» [side 38](#). Prestefamilien flytta i 1916 frå Steigen til Nordre Land. På flyttelasset hadde dei med ei av tenestejentene dei hadde i Steigen. Ho vart mor til svigerfar til stubbskrivaren. Ved dåpen hans er to av døtrene til sokneprest Bydal noterte som faddrar.

DISgravminner syner at **Gunhild Brandt** ^C f Johnson døydde [21/11-1921](#) medan prost h.v. **Nils Brandt** døydde [24/12-1939](#). Båe kviler på Meldal kyrkjegard. -

Marie ^B **Bydal** er gravl. på Vestre gravlund i Oslo [27/8-1947](#). Her kviler òg brørne **Anton** ^C **Brandt** gravl. [17/6-1952](#) og **Gisle J** ^D **Brandt**, gravl [1943](#). Ein **Nils** ^B **Brandt** ? f 1900 [død 1975](#) kviler på Ås kyrkjegard i Follo. [Brynjulf Langballe](#) si [side hjå Geneanet](#) fortel at **Eli Vigdis** ^H døydde 17/7-1937.

Bestefar til prost **Nils Brandt** hadde m.a. eit par brør som er opphav til personar omtala i andre stubbar. Ein bror vart far til «[glasmeisteren i Ishavsbyen](#)», den hin vart bestefar til ho med «[fotoatelier i grisehuset på Ølken](#)»



Studenten eg tek med frå *Trondhjem kjøpstad* er ved [FT1910](#) busett i [Elgesætergate 46](#) - *Stud. ing.* **Knut Kjørstad** f 12/3-1890 i *Aurdal Valdres*. Han var fødd på [sørre Hjelle](#), døypt i Aurdal kyrkje [8/6-1890](#)[#23] og konfirmert [30/4-1905](#)[#1]. Foreldre er [Arne Erikson \(1857-1906\)](#) og [Turid \(Thuri\) Knutsdtr \(1859-1940\)](#). **Knut** er ved [FT1900](#) registrert på Hjelle gnr. 92/2 i Nord Aurdal saman med foreldra og fem sysken.



Det ser ut som han seinare har flytta over til odontologistudiet. Boka «*Norges tannlæger*» fortel på [side 154](#) at han tok eksamen i 1916 og vart medlem i [Den norske tannlegeforening](#) i 1917. Han vart gift med **Gudrun Randine Borge** f 9/9-, dpt i Skoger krk. [17/10-1920](#)[#16]. Dotter til gardbr. [Nils Sebjørn Sten Borge](#) og [Astrid Sofie f Kjos](#). DIS gravminner syner at **Gudrun** døydde [23/6-1992](#) og er gravl. ved Biri kyrkje medan **Knut** døydde [29/12-1872](#) og kviler på Aurdal kyrkjegard.



Læraren vi skal sjå nærare på i denne stubben finn vi ved [FT1900](#) registrert i [Bispegaden 9D](#) i Trondhjem kjøpstad. Der er ein 'enslig Logerende – Sløidlærer ved Folkeskolen' med namnet **Michael Bang** frå *Søndre Aurdal*.

Guten vart fødd på [søre Øydgardé](#) 2. oktober- og fekk namnet **Mikal** i [Bagn kyrkje](#) [9/12-1870](#)[#35]. Her vart han òg konfirmert [2/5-1886](#)[#18]. Ved [FT1891](#) syner personskjemaet at han er *Seminarist* (elev) med *sædvanlig bosted*: [Hamar](#). **Mikal** er son til [Mikkel Mikkelsen \(1826-1889\)](#) og [Berit Olsdtr \(1836-1902\)](#). Boka *Hamar Lærerskole 100 år* syner at *Mikael Mikkelsen Bang* vart uteksaminert i [1891](#). Eit par andre karar med Valdresnamn i dette årskullet er [Knut Jonsen Lome](#) og [Tore H Maanum](#).

Lærer ved folkeskolen er yrket ved [FT1910](#), no er bustaden i [Arkitekt Christiesgate 4a](#). Han var då losjerende hjå familien Østern. Familiefaren, [Bossemagermester Chr Østern](#) var vinnar at det fyrste offisielle [Landskyttarstemnet](#) i 1893.

Kommunal folketeljing for Trondheim i [1925](#) syner at *lærer ved folkeskolen*, **Michael Bang**, no bur i [Erling Skakkjes gate 51a](#). **Mikael** er husvert (og farbror) til Marianne- ([1896-1987](#)) og Olav Bang. Olav er elev av *Teknisk mellemskole*.

DISgravminner syner at **Mikael Bang** døydde [22/6-1947](#). Han kviler på Bagn kyrkjegard.



Neste (og førebels siste) kronblad vi plukkar frå [korgplanta](#) vår vert **Professoren**. Ved [FT1910](#) finn vi *Stadsdyrlæge* **Per Tuff** med familie busett i *Sollien, øvre Sindsaker, Trondhjem kjøpstad*.

Per, eller *Peder* som det er notert i kyrkjeboka, vart fødd i Tuv 26/5-, dpt i Vestre Slidre (dei to som vert døypte denne dagen høyrer baa til i Røn sokn) [30/6-1878\[#42\]](#) og konfirmert i [Volbu krk. 6/11-1892\[#7\]](#) (innførsle V Slidre [6/11-1892\[utan nr.\]](#)). Foreldra, Peder Pederson ([1848-1924](#)) og Ingebjørg Olsdtr. ([1847-1895](#)) gifta seg [16/4-1874\[#9\]](#). Peder Pederson gifta seg oppatt med Berit Olsdtr Brandt [4/10-1899\[#44\]](#) i Hamar domkyrkje.


FT1891 syner Per(Peder) saman med foreldre (Peder/Ingeborg) og syskena Ambjørg, Ole og Berit busette i [Tuv gn. 84/1](#) i Vestre Slidre. Det er eit lite avsnitt om garden på [side 788](#) i «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*».

Per Tuff vart gift med **Marie** Haagensdtr, f Ørebæk i Onsøy 2/10-, dpt i Onsøy krk. 29/10-1882[#78], konf [3/10-1897\[#33\]](#). Foreldra hennar var Haagen Andersen ([1821-1887](#)) og Karen Bolette Jensdtr. (1859-). Ved [FT1891](#) bur **Marie** på Ørebæk østre, gn. 45/1 i Åle teljkrins i Onsø herad, saman med mor og stefar. Vi finn henne same stad ved [FT1900](#).


Marie og **Per** får sønene **Per** f Ilevolden 1/5-, dpt Nidarosdomen 26/5-1907[#32], konfirmert Ås krk. 14/10-1923[#14] og **Håkon** f Sørflaten, Singsaker 11/7-, dpt Nidarosdomen 15/8-1909[#59], konf Ås krk. 2/10-1924[#8].

DIS-gravminner fortel at Per Tuff (f. 1907) døyr [12/11-1976](#) og er gravl. på [Vestre Fredrikstad gravlund](#). Her kviler òg Ingeborg Marie Tuff f 29/5-1914, død [29/2-2004](#).

De kan elles finnel ein [omfattande artikkel](#) i «*Norsk Biografisk leksikon*» og ei bibliografisk oversikt i heftet «*Bibliografisk tillegg til 'Norges Landbrukshøgskole 1859-1959'*», sidene [127-133](#). Om «*Den Kongelige Veterinær- og Landbohøjskole*» kan de lesa på [deira nettsider](#). Eit foto av «[det gamle Slaktehuset](#)» i [Trondheim](#) finn ein hjå «[flickr](#)».



[Nasjonalbiblioteket](#)



[Nasjonalbiblioteket](#)



Bergstadens Zir - Foto: OHF – 3.juni 2010

Fire Valdrisar i «Bergstaden» fyrst på 1900-talet

Handelsfullmektigen, kona til apotekaren,
kona til politibetjent/fuldmektig og kona til læraren.

Ved [FT1900](#) finn vi «Handelsbetjent-kolonialf., Juul Olsen Duserud» og familien hans busette i «Hus No. 457» i «Storgaden, Røros bergstad». **Jul Olson** var f på [Sørei](#) 13/10-, dpt i [Aurdal kyrkje](#) 7/12-1873[#52], konf [28/4/1889](#)[#2]. Han var den eldste av sju - i barneflokk til [Ola Julson](#) (1844-1923) og [Kari Olsdotter](#) (1847-1915). Ved [FT1875](#) er familien registrert på «Sørum øvre, lno 273b i Nordre Aurdal prestegjeld». Dei bur same stad også ved [FT1891](#), [FT1900](#) og [FT1910](#). [[Kari Olsdtr](#) er nemnd på side 111 i «Gard og bygd i Sør-Aurdal», band A].

Jul Olson gifta seg i [Hamar domkyrkje](#) 22/10-1898[#41] med **Hilde Petrine Pedersdtr** f [Askimeige](#) i Vardal 4/4-, dpt [21/5-1876](#)[#70/22], konf [Gjøvik krk.](#) 27/9-1891[#2]. Ho er dotter til målar [Peder Paulson](#) (1840-1910) og [Lene Johannesdtr](#) (1843-1929). Dei er både ved [FT1865](#) og [FT1875](#) bosette i «Malerstuen» i Hunn sokn, Vardal prestegjeld. Yrket har nok gjeve namn til husværet. Dei bur i M Kristiansens gd. I [Gjøvik](#) ved [FT1900](#).

Hilde Petrine og **Jul Olson Diserud** finn vi busette i Røros Bergstad i 1899. Dei døyper sonen **Otto Peter** 15/10[#62] i [Røros kyrkje](#) (Bergstadens Zir). Guten var fødd 22/8 s.å. og vert konfirmert 24/5-1914 [#1]. Faren er her skriven «Handelsfuldmæktig hos [M Engzelius & Søn](#)». – Familien er ved [FT1900](#) busette i *Storgaden, hus no. 457*. – Barneflokket aukar i tiåret som kjem: **Lovise Constance** f 10/5-, dpt [30/6-1901](#)[#30], konf [4/6-1916](#)[#5]. Fadderane hennar er *kjøbm Gustav Engzelius, hstr Elisabet f Aspaas, provisor ved Røros Apothek Hans Hjorthøi, hstr Sigfrid f Weimoth*. Vi kjem attende til ekteparet *Hiorthøy* seinare. – Så kjem **Sverre Juul** f 18/11-1902, dpr [25/1-1903](#)[#6], konf [20/5-1917](#)[#5]. **Einar Torfin** f 28/2-, dpt [28/5-1905](#)[#23], konf [16/5-1920](#)[#13] og **Hilda Sigfrid** f 2/10-1910, dpt [8/5-1911](#)[#2], konf [1925](#)[#13]. Eg har diverre ikkje funne meir om familien etter 1925. Røros kyrkjegard er heller ikkje registrert hjå DISgravminner.

Sigfrid Andrea var f på [Frydenlund](#) 18/7-, dpt i [Aurdal krk.](#) 22/8-1880[#19], konf [28/4/1895](#)[#1]. Ho er dotter til landhandlar [Edvard Weimoth](#) (1850-1933) og [Julie Fredrikke Gulbrandsen](#) (1851-1889). **Sigfrid Andrea** giftar seg 15/9-1899[#5] med [pharmaceut](#) **Hans Henrik Thaulow Hiorthøy**, f 21/9-, dpt [Skjold krk](#) 30/10-1872[#53], ved [FT1885](#) i Stavanger. Han er son til sokneprest [Hugo Henrik Fasting Hiorthøy](#) og [Maria Magdalene Thaulow](#). *Storgaden-Hus No 13* i Røros bergstad er bustad ved [FT1900](#). Her er to nye verdsborgarar komne til, **Marie Magdalena** f 10/11-1899, dpt [3/6/1900](#)[#27], (Fadderar er *kjøbmand Edvard Weimoth, Valdars, cand.jur. Johan Hjorth, Wilhelm Wexelsen hstr Dagmar f Schulerud, frk Aadel Hiorthøy*) og **Erling** f 6/10-1900, dpt [20/1-1901](#)[#1], **Edvard Johan** f 3/3-, dpt [22/6-1902](#)[#28]. **Julie Fredrikke** f 10/10-, dpt Trysil [1/11-1908](#)[#69]. – **Hans Henrik Hjorthøy** døyv av tæring 9/7-1909 [#2] og vert gravlagd og /jordfesta ved Trysil krk. 14/7 s.å. Vi finn **Sigfrid Andrea** og borna busett i Huitfeldtsgt 28 i Kristiania ved [FT1910](#). Ho giftar seg for andre gong i [Trefoldighets krk.](#) Kraa. [27/3-1916](#)[#69] med amtsgartner **Anders Olaf Larsen** f 18/2-1879. Dei hadde m.a. sonen **Sigmund**. **Sigfrid** døydde 17/7-1932. Ho kviler på Aurdal kyrkjegard.

Knut Larson(1829-1888) og Mali Olsdtr Høve(1833-1925) på Køllstadvølle vert foreldre til dottera Astrid f 18/11-1869, dpt i Rogne krk. [9/1-1870](#)^[#24], konf Hegge krk. [10/5-1885](#)^[#1]. Ho er nemnd i «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» band B, side 344.

Astrid gifter seg borgarleg (Notarius Publicus i Trondheim) [3/11-1893](#)^[#0], ekteskapet er ført inn i Ministerialboka for Rørs prgj. Ektemaken heiter Lars Svendsen. Han var f 23/8-, dpt Rørs krk [1/10-1871](#)^[#82], konf [22/5-1887](#)^[#1]. Han var son til urmakar Svend Larson Tøres og Olava Olsdtr f. Vold. Ved [FT1875](#) bur han saman med besteforeldra i *Bergstadens Lillegade*.

Astrid og Lars får borna Sverre f Nyplads 12/11-, dpt [30/121894](#)^[#59], konf [1910](#)^[#5]. Oddlaug f 11/3-, dpt [24/5-1896](#)^[#31], konf [1911](#)^[#6]. Magna f 6/11-1898, dpt [5/1-1899](#)^[#4], konf [24/5-1914](#)^[#7]. Knut Ingvar f 7/8-, dpt [16/10-1904](#)^[#51], konf [10/5-1920](#)^[24]. Husfaren er *Folkeskolelærer*.

Familien bur ved [FT1900](#) på *Flanderborg*, husnr. 160 – ti år seinare, ved [FT1910](#), er bustaden *Bakkene, Rørs bergstad*.

Telegrafist Sverre Svendsen gifter seg på Rørs [28/6-1919](#)^[#14] med Bergljot Lundereng frå Ålen. Ho var f på Lundereng 8/7-, dpt i Ålen krk. [7/8-1898](#)^[#21], konf i Ålen 1913. Foreldra hennar var Jon Jonson og Sofie Larsdtr. Ved [FT1900](#) er familien registrert på Lundreng gnr. [93/1](#) i Ålen herad.

Bergljot og Sverre får dottera Liv f Rørs 22/6-, dpt [23/10/1921](#)^[#41]. Mykje talar for at Sverre var tilsett ved jernbanen (Rørsbanen). Ei kommunal folketeljing for Strinda i 1934 syner at familien bur på Vidda gnr. 13/9 i Strindheim krins i Lade sokn. Sverre er då *Jernbanekontorist*. Sonen Steinar var f på Hegra 10/11-1923, dpt Hegra krk. [16/3-1934](#) ^[#7], dottera Astrid f i Hommelvik 7/1-, dpt Hommelvik krk. [5/4-1926](#) ^[#10].

Ei anna jente frå Øystre Slidre kjem òg til Rørs. - Marit Knutsdtr var f i Nyhaga 27/12-1875, dpt i Volbu kyrkje [6/2-1876](#)^[#7], konf Volbu krk. [2/11-1890](#)^[#2]. Foreldra hennar er *Gaardmand* Knut Haldorson Nyhagen(1850-1898) og Ingebjørg Tollefsdtr(1848-1899). «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» band B, side 87 fortel meir om familien hennar .

Ved [FT1891](#) bur Marit saman med sysken, foreldra og bestemor, Kari Eriksdtr i Nyhagen gnr. 36/12 i Volbu teljekrins. Far hennar er då notert som *Gaardbr, Sparebankkasserer*. Ho lyt deretter ha vore på lærarskule. Ved [FT900](#) er Marit(skrive Margit) lærarinne og busett på Pollestad skolegaard gnr. 31/7 i Klepp herad på Jæren.

[15/11-1902](#)^[#59] vert Marit gift, i Hamar domkyrkje, med politikonstabel i Elverum, Karl Marius Mangseth. Han vart f på Ådalsbruk i Løten 12/5-, dpt Løten krk. [25/7-1875](#)^[#91], konf Elverum krk. [12/10-1890](#)^[#52]. Han er ved [FT1900](#) busett på Mangseth gnr. 31/60 i Elverum. Foreldra hans er Ole Kristofferson frå Sør-Odal(1838-1908) og Nille Martinsdtr frå Brandval (1851-1931), gifte [17/6-1874](#)^[#13].

Marit og Karl Marius vert foreldre til Otto Kolbjørn f 9/7-, dpt Elverum krk. [9/8-1903](#)^[#89], konf Rørs [1/6-1919](#) ^[#34], gravl. Moholt gravlund, Trondheim [13/6-1985](#). Her kviler òg Peggy Marie (1897-1985).

Hjordis Nelly vert f Nilsborg, Elverum 28/11-1904, dpt [8/1-1905](#)^[#8], konf Rørs [16/5-1920](#)^[#17]-(ei side hjå «My Heritage» fortel at ho døydde [26/7-1976](#)).

Kåre Johan vart f på Rørs 8/5-, dpt [29/7-1906](#)^[#36], død av «*hjertelammelse*» [9/3-1920](#)^[#12], gravl Rørs 19/3 s.å.

Frithjov Ingulf vart f på Rørs 26/8-, dpt [25/10-1908](#)^[#61], konf [29/5-1924](#)^[#11]. Han er *middelskoleelev* då han døytr på Tynset sjukehus [14/4-1926](#)^[#3], han vert gravl. på Rørs 26/4-1926. –

Alv Baarst Karsten vert f 14/2-, dpt [7/5-1911](#) ^[#21], konf [9/5-1926](#)^[#20]-(ei side hjå «My Heritage» fortel at han døydde på Hønefoss [14/11-1978](#)). Ei av faddrane hans var morsystera, Inga Nyhagen frå Valdres.

Kjellaug Margot var f 16/9-, dpt [25/12-1913](#)^[#51], konf [12/5-1929](#)^[#20]. Hjå «*MyHeritage*» er det opplyst at ho gifta seg i Oslo 6/8-1938 med Fred Julius Trøan f 15/12-1909, dpt Tolga krk. [30/1/-1910](#)^[#3], konf [28/6-1925](#)^[#11]. DISgravminner fortel at Fred Julius døydde [21/9-1983](#) medan Kjellaug døydde [19/4-1985](#) (MH). Båe er gravlagde på Hodalen kyrkjegard (GENI).

Yngste guten, Rich Tormod Bruno vert f 20/12-1915, dpt [23/4-1916](#)^[#18], konf [1/6-1930](#)^[#13]. (ei side hjå «My Heritage» fortel at han døydde [4/8-2004](#)).

Karl Marius Mangseth døydde på Rørs [7/8-1917](#)^[#16], dødsårsak er lungetuberkulose. Han vart gravl 15/8 s.å. - Marit Knutsdtr døydde iflg. «*My Heritage*» på Rørs 12/11-1944.

Men i fjor da ok a på Rørsban.

Tralallala, det er da bra
å stele pent med kjerringa..

Gardkjøpar ved Årsetfjorden

[20. juni 1847](#)^[#28] er det bryllaup i [Lom\(Lomb\) kyrkje](#). Den 30 år gamle ungdren **Ole Mikkelsen** (Ola Mekjellson) «*Øverlihoug f Ourdals præstg*» giftar seg med «*Pige Embjør Rasmusd*», 20 år gamal og med «*Opholdsted: Øverlihoug*». Forlovarar er *Torsten Øverlie* og *Thron Syversen Haugen*.

Samanlikna med andre «granneområde» er det få giftarmål mellom Valdres og nord-Gudbrandsdalen. På 1800-talet har eg funne berre fire ekteskap med denne kombinasjonen. Det var korkje bilar eller veg over Valdresflya på den tida!

Embjør (Ingebjørg) var f 15. august 1827 og vart døypt i Lom [fire dagar seinare](#)^[#117]. Ho er dotter til [Rasmus Syverson](#) og [Embjør Syversdr](#) som då er inderstar «*under Kolden*».

Ola kom til verda på [Midtstrøndeige](#) 10. april- og vart døypt i [Svenes kyrkje](#) [24. mai 1812](#)^[Vside, nest nedst]. Han hadde faddrar frå [Åkervøll](#), [Før](#) og [Midtstrønd](#). Foreldra hans heitte [Mikjel Johannesson](#) og [Ågot\(Agathe\) Olsdotter](#). Dei gifta seg [28. juni 1806](#)^[H side,3.ovanfrå]. **Ola** vart konfirmert i [Ulnes kyrkje](#) [20. august 1826](#)^[#5].

Etterslekta har fortalt at **Ola Mekjellson** dreiv som [fehandlar](#). Klokkarboka for [Garmo kyrkje](#) i Lom prgj. fortel at **Embjør** og **Ola** fekk ei dotter på «*Øverlihougen*» 14. januar 1846. Ho vart heimedøypt og fekk namnet til mor si, **Embjør**¹, same dag. Namnet vart stadfest ved kyrkjedåp [25. januar 1846](#)^[#2]. «*Hjemmedøbt af Barnets Fader*» står skrive i kyrkjeboka. Neste barnet kjem også til verda på Øverlihaugen, 26. november 1847. Jenta får namnet til farmora, **Aagot**², [1. januar 1848](#)^[#2]. Faddrane hennar kjem frå [Øverli](#), [Haugen](#) og [Sveine](#). Sonen **Johannes**³ (med namn frå farsfamilien) vert f 9. juni og dpt [4. august 1850](#)^[#45]. No er [Blekestad](#) og [Haugdal](#) nemnde mellom faddernamna.

Ministerialboka for [Kolvereid prgj.](#)^[#14-18] fortel at «*Egtefolk Ole Mikelsen Øverlihoug og Embjør Rasmusdr*» med «*børn Embjør, Aagotd og Johanes*» «*someren 1852*» flytter inn «*for at bruge Gaarden Lundseng som er kjøbt af Manden, nu paa Skage*». Dei er innflytta frå «*Lomb*» i Gudbrandsdalen og har med attest frå [Aars](#) datert 12. mai 1852. – Realpanterregister for Leka og Kolvereid, [side 24](#), syner at **Ola Mekjellson** fekk «*Kongl. Skjøde paa denne Gaard (Løpenr. 24 i Lekø sokn) for 170 Spd og en aarlig jordafgift af 7 Skppn 2¼ Fdkn Sædebyg til Kolvereids Sognepræst samt Kaar til den fratredende Leilænding Peter Christensen Vendelbo, dat 5 Februar, thinglæst 3 juni 1853.*» **Ola** låner nok nokre pengar i samband med gardhandelen, det er skrive ein «*Obligation fra Ole Mikkelsen til Paul Christensen Sørhorsfjord med 1^{ste} Pr. for 120 Spd, dat og thinglæst 6. juni 1857.*»

Då sonen **Sivert Olaf**⁴, fødd 6. april-, vert døypt [19. juni 1853](#)^[#13] er faren skriven *Gmd* (Gaardmand) med bustad Lundseng. **Helmer Mikal**⁵ er f 11. mars, dpt i Leka [24. juni 1855](#)^[#19]. Så kjem **Iver Anton**⁶ f 28. mai-, dpt Kolvereid [21. juni 1857](#)^[#54], død [18. desember 1885](#)^[#8]. **Agatha Rikardine**⁷ f 15. september 1859, dpt Leka prgj [17. mai 1860](#)^[#21]. **Ole Jørgen**⁸ f 20. februar, dpt Leka [29. juli 1862](#)^[#65]. **Jette Nikoline**⁹ f 22. september 1864, dpt Leka [25 mai 1865](#)^[#19]. **Ingara Marie**¹⁰ f 13. mars-, dpt Leka prgj. [12. juli 1868](#)^[#15] og **Thomas August**¹¹ f 15. august 1871, dpt Leka [26. april 1872](#)^[#6]. Han har m.a. storesyster si **Embjør**¹, her skriven [Ingeborg](#)^{*}, som fadder.

- Då **Embjør**¹ vert konfirmert (1863) - er det i Ministerialboka notert **Ingeborg** i [parantes](#). Bokføraren (som truleg var [Ludvig Brinchmann](#)) var kanskje òg uvan med denne (tale)forma av namnet. For moro skuld har eg i slutten av denne stubben laga ei lita oversikt ut frå folketeljinga 1801.



Lundsenget ligg fint til innmed Årsetfjorden. (Foto 29. mai 2010 – OHF)

Dottera **Ågot**² døydde på Lundseng [14. mai 1860](#)^[#13] og vart gravlagd 17. mai s.å. Dette er årsaka til at neste jemt i barneflokket får same (fyrste)namn. Om ein les [soknehistorikken for Kolvareid](#) ser ein at grensene endra seg både i 1861 og sist på 1870-talet. [FT1865](#) fortel at familien på Lundseng, lno 24, bur i 2. teljekrins i *Lækø sokn og prgj.* Sonen **Helmer Mikal**⁵ er registrert som «*Tjeneste-dreng*» (*11 år gamal!*) på «Heimen», lno 46 i «*Lækø*» medan broren **Sivert Olaf**⁴ har same tittel og er nemnd på «*Selliseth*», lno 17 i «*Lækø*». Synet på [barnarbeid](#) har endra seg sidan då...

Elles har eg funne konfirmasjonane til desse borna: **Embjør**¹, Leka [15. juli 1863](#)^[#23], **Johannes**³, Leka [19. juli 1868](#)^[#7], **Sivert Olaf**⁴, Leka [18. juli 1869](#)^[#7], **Iver Anton**⁶, Leka [7. juli 1872](#)^[#10], **Agatha Rikardine**⁷ Leka [7. juli 1876](#)^[#10], **Ole Jørgen**⁸ Solstad krk. Bindal [1. juli 1877](#)^[#5], **Jette Nikoline**⁹ Leka [20. juni 1880](#)^[#24], **Ingara Marie**¹⁰ Leka [6. juli 1884](#)^[#19] og **Thomas August**¹¹ Leka [11. juli 1886](#)^[#2].

Ola Mekjellson døyr på Lundseng [24. januar 1874](#)^[#1] og vert gravlagd 26. januar same år. Noteringa i kyrkjeboka tyder på at han vart jordfesta 28. juni.

[Teljinga 1875](#) syner at **Embjør** og alle borna, bortsett frå sonen **Ole Jørgen**⁸ har tilhald på Lundsengen lno 24. Mykje tyder på at vi då finn **Ole Jørgen** som «*Gjætergut Gjætter*» på garden [Opdal lno 9aa & 9b i Bindal herad](#).

Fire av borna frå Lundseng giftar seg i åra 1885-1888. Fyrst ute er **Helmer Mikal**⁵. [24. juni 1885](#)^[#1] i [Solstad kyrkje](#) i Bindal(Nordland). Svigerforeldra er [strandsitjar Ole Johnson Solstad](#) og [Hanna Marie Andreasdr.](#) Dotter deira, brura, heiter **Henriette Kristine** og er f 19. desember 1864 og dpt [18. april 1865](#)^[#2] i Solstad krk. Ved [FT1865](#) er ho på [Solstadstrand](#), i [FT1875](#) på Solstad lno. 25 i Bindal herad.

Nummer to er **Johannes**³. Bryllaupet er i Nærøy prgj(Nordland) [29. desember 1885](#)^[#17]. Brura er Lomvær, fødd 25. juli 1855 på Vusvollen i Bøverdalen og fekk namnet **Anna** i Lom [15. oktober 1855](#)^[#153]. Ved konfirmasjonen, [2. oktober 1870](#)^[#11] (i Lom) er fødestad skrive [Sulheimsoien](#). Ho er dotter til [Jon Alfson](#) og [Brit Torgersdr.](#)

Agatha Rikardine⁷ er den tredje. Ho vert gift i [Gravvik kyrkje 5. september 1886](#)^[#5]. Denne ektemaken har òg opphav nord for «amtsgrrensa» - og heiter **Kristian Thode Leonard Larsson**, f [Kjøbstad 19. april](#)-, dpt i [Gildeskål 28. mai 1855](#)^[#9] og konfirmert [28. mai 1871](#)^[#12]. Ved [FT1865](#) har **Kristian** og mor hans, enke [Karen Jørgensdr](#) tilhald på garden [Opsahl](#), lno 8 i Sørfjorden teljekrins i Gildeskål prgj. Far hans heitte [Lars Olson](#). [FT1875](#)syner **Kristian** som «*Tjenestekarl*» på [Øvre-Fore](#) lno. 242 i Gildeskål.

«*Siste par ut*» vert **Ole Jørgen**⁸ og **Josefine Randine Olea Olsdr.** Ho er f på [Hongset](#) i «*Brønø Prestegjeld*» 17. januar-, døypt i [Velfjord kyrkje 6. april 1871](#)^[#2] og konfirmert i [Vik kyrkje](#) på Sømna (*Brønø prgj.*) [5. juli 1885](#)^[#10]. Haugsæt(Hongset?) øvre er bustad ved [FT1875](#). Då bur **Josefine** saman med foreldra, [Ole Olsen](#) og [Rakel Olsdr](#) og to eldre brør, **Jens** og **Oluf**. **Ole Jørgen**⁸ og **Josefine** turar bryllaup [3. september 1888](#)^[#15]. Dei gifta seg i Vik kyrkje.

Korkje [RHD](#) eller Digitalarkivet har enno (mars2015) publisert teljingar-1891 for *Leka/Kolvareid/Nærøy*. Men vi finn teljing for [Brønnøy herad](#) i Nordland. På garden [Hongset øvre, lno 90c](#) finn vi **O J** (Ole Jørgen⁶) **Olsen** ([Husliste/Personskjema](#)), kona **Josefine**, dottera **Regine Onora** og veslesyster til O.J.³, **Ingara Marie Olsdr**¹⁰ (*Lundseng*).



Tipptippoldebarnet til Ola Mekjellson, med mor og kone - og setelboka til fehandlaen. (Foto 29. mai 2010 ohf)

[Panteregisteret](#) ein tidlegare har synt til kan fortelja at Lundseng vart skylddelt i tre partar 25. august-, tinglyst 29. august 1890. **Part1: Lundseng østre**, løpenr 24^a til **Kristian Larsen**, Skmk. 2,27.

Part2: *Lundseng vestre* løpenr 24^b til **Helmer Olsen**⁵, Skmk 1,70 og **part3:** *Olderbotnet* lno 24^c til Iver og Benjamin Haagensen Skmk 0,57.

Ut frå kyrkjebøkene får **Helmer Mikal**⁵ og **Henriette** desse borna innan dei giftar seg: **Inga Ottilie**⁵¹ f Lundseng 20, april-, dpt Gravvik [24. juni 1883](#)^[#4] og konfirmert Leka prgj. [10. juli 1898](#)^[#9]. [FT1900](#) syner henne som tenestjente på [Kvernán](#) gnr 26/1 i Leka herad. I [1910](#) er ho på Lundseng gnr 28/2 i Gravvik herad. **Helga Olina Engnora**⁵² f Lundseng 26. mars-, dpt Solstad krk [3. mai 1885](#)^[#4], konf Gravvik [15. juli 1900](#)^[#9]. Ho bur på Lundsengen(*vestre gaard*) gnr 27/2 ved [FT1900](#). Ho gifta seg i Bodø bysokn [2. juni 1909](#)^[#9] [LNK2](#) med **Hans Ingvald Jensen Kiil** f 26. april-, dpt [18. juni 1882](#)^[#5], konf [11. juli 1897](#)^[#17]. Dei er ved [FT1910](#) på [Kiil](#) gnr 28/1 i Gravvik og har dottera **Haldis**⁵²¹.

Etter å ha vorte ektefolk får **Helmer** og **Inga** sonen **Ingvald Leonard**⁵³ f 10. juni-, dpt Gravvik [6. oktober 1888](#)^[#16], konf Gravvik [12. juli 1903](#)^[#13]. Han er på Lundsengen gnr 28/2 i [FT1900](#), i [1910](#) på [Risvik](#) gnr 8/1 i Kolvereid herad. Så kjem **Konstanse Julie**⁵⁴ f 26. april-, dpt Gravvik [19. juli 1891](#)^[#9], konf Gravvik [8. juli 1906](#)^[#3]. [FT1900](#) fortel at ho er på Lundseng gnr. 28/2, i [1910](#) har ho «Kreaturstel» på [Fjær gnr 15/6](#) i [Klinga herad](#), Namsos prgj. **Halfdan Konrad Lund**⁵⁵ f 14. mai-, dpt Gravvik [23. juli 1893](#)^[#10], konf Gravvik [19. juli 1908](#)^[#1]. Han er på Lundseng i 1900 og er registrert som «ug. Fisker, gaardsarb», midlertidig busett på Risvik gnr 8/1 i Kolvereid herad ved [FT1910](#). **Petra Kristine**⁵⁶ f 23. juli-, dpt Gravvik [27. september 1896](#)^[#13], konf Gravvik [16. juli 1911](#)^[#5]. Ved [FT1900](#) på Lundsengen 27/2, medan ho er på [Selliset](#) gnr 23/4 ved [FT1910](#). **Tora**⁵⁷ f 3. februar-, dpt Gravvik [12. mai 1899](#)^[#2], på Lundseng ved [FT1910](#). **Astrid Marie**⁵⁸ f 21. mars-, dpt Gravvik [30. juni 1901](#)^[#7], konf Gravvik [1915](#)^[#2]. [FT1910](#) på Lundseng. **Borghild**⁵⁹ f 23. august-, dpt Gravvik [30. september 1906](#)^[#5]. På Lundseng ved [FT1910](#)

Johannes³ og **Anna Jonsdtr** vert foreldre til **Thora Laurine Marie**³¹ f [Moritsøya](#) i Nærøy28. mars-, dpt [Nærøy krk 2. mai 1886](#)^[#13], konf Nærøy [21. juli 1901](#)^[#3]. Ved [FT1900](#) er ho «*gjæter*» på [Storenget](#) gnr 24/9 i [Nærøy herad](#). [FT1910](#) fortel at ho har tilhald på Lundseng gnr 27/1 i Gravvik herad. [9. juni 1924](#)^[#3] er ho fadder til *Hanna Marie Lundseng*. (*Ho er syskenbarn til far til dåpsbarnet*). **Johan Ingvald Bernhoff**³² vert f [Vaagseng](#) 8. juni-, dpt Nærøy [30. august 1891](#)^[#40], konfirmert i Gravvik [30. september 1907](#)^[#3]. Han kan vera nemnd som «*Fostersøn*» på «*Varøstrand*» ved [FT1900](#), medan eg er trygg på at han har tilhald i [Hagen gnr 23/2](#) (2015:Hagan 88/2) i «*Andre Aarsetfforden*» i Gravvik herad ved [FT1910](#). - Det syner seg at borna snøgt vart morlause. «*Husmandskone*» **Anna Jonsdtr** døydde [27. september 1899](#)^[#12] på Vaagseng og vart gravlagd ved Nærøy krk. 4. oktober s.å. **Johannes Olson** nådde heller ingen høg alder, enkemd, gbr. **Johannes Olsen** døyr av «*Slagtilfælde* (*døde ude*)» på Vågseng [10. januar 1908](#) [[«1](#)]. Han vert gravlagd ved Nærøy krk 17. januar s.å. og jordfesta 10. oktober 1909.

Agatha Rikardine⁷ hadde eitt barn før ho gifta seg. Dottara **Inga Oline**⁷¹ var f på Lundseng 27. mars- og dpt i Gravvik krk. [26 juni 1881](#)^[#8]. Far til jenta var «*ungkarl*» **Ole Pedersen** «*fra Kristian-sund*» f 1859. **Inga Oline** døydde [4. desember 1881](#)^[#2], gravl 9. desember s.å. og jordfesta 24. juni 1882. I ekteskap med **Kristian Thode Leonard Larss**. får Agatha sonen **Konrad Peder**⁷² f 2. februar- dpt i Gravvik krk. [15. mai 1890](#)^[#6], konfirmert Gravvik [8. juli 1906](#)^[#3]. Familien er ved [FT1900](#) nemnde på Lundsengen østre gnr 27/1 i Leka herad, der er dei òg ved [FT1910](#) – *no* er Lundseng i Gravvik herad i Leka prgj. **Agatha Rikardine**⁷ vart gravlagd ved Gravvik krk. [16. april 1924](#), **Kristian** (Lundseng) vart gravlagt [23. desember 1939](#).

For **Ole Jørgen**⁸ og **Josefine Randine Olea Olsdtr** har eg funne desse borna, alle fødte på [Hongset](#), Sømna og mest alle døypte i Vik krk.: **Regine Onora**⁸¹ f 12. september-, dpt [10. november 1889](#)^[#43], konf [26. juni 1904](#)^[#26]. **Inga Oline Alvhilde**⁸² f 17. mars-, dpt [18. mai 1891](#)^[#18], død [27. juni 1891](#)^[#25], gravl. Vik krk. 4. juli s.å. **Olaf Julian Lind**⁸³ f 12. august-, dpt [24. september 1893](#)^[#42], konf [21. juni 1908](#)^[#18]. **Angeline Bernhards**⁸⁴ f 14. september-, dpt [17. november 1895](#)^[#32], konf [26. juni 1910](#)^[#5], død [15. november 1980](#), gravl. [Vestre gravlund](#), Oslo. **Inga Augusta Konstance**⁸⁵ f 12. juli-, dpt [24. september 1899](#)^[#37], konf [7. juni 1914](#)^[#19], død [24. oktober 1935](#), gravl Ranem gravplass, Overhalla. **Jenny Mathilde**⁸⁶ f 27. januar-, dpt [6. juni 1901](#)^[#13], konf [6. juni 1915](#)^[#18], død [30. august 1984](#) og gravl 7. september s.å. på Hegvik gravplass i Bjugn. Ho kviler saman med *Hans Hoff Ellingsen* (16/4-1908-1/6-1973). **Halvdan Øivind Lund**⁸⁷ f 16. mai-, dpt [23. august 1903](#)^[#26]. Han døydde [1. mars 1980](#) og er gravl på [Mysen nye gravlund](#). Han var skulesjef og gift med **Liv** (17/4-1915-8/1-1986). **Olav Trygve**⁸⁸ f 22. mars, dpt [12. juni 1905](#)^[#15]. Så kjem tvillingparet **Johan Nordal**⁸⁹ og **Magnhild Pauline**^{8X} f 7. oktober 1907, bae er døypte i [Velfjord krk 1. mars 1908](#)^[#1]. **Agnes Kristine**^{8Y} er fødd 12. juni- og dpt i Velfjord [6. juli 1914](#)^[#10]. Ho er òg å finne på ein [GENI-profil](#).

Ingara Marie Olsdtr¹⁰ fekk sonen **Olav Vilhelm Rønning**¹⁰¹ f Hongset 17. februar-, dpt Velfjord [31. mars 1895](#)^[#2], konf Gravvik [3. juli 1910](#)^[#2]. Ved [FT1900](#) og [FT1910](#) på Lundsengen østre. Far til guten var [Frithjof Vilhelm Lund](#) ([5. juni 1874](#) – [1953](#)). Eit av oldebarna til **Ingara** fortel at ho reiste

til USA i 1909 og vart der i bortimot 40 år. Dette vert stadfesta av ei innførsle i «Emigrantdatabasane» til Digitalarkiver. Ho reiste med «Salmo» frå Tronfheim [13. oktober 1909](#) med reisemål Newmans Groove i Nebraska, dit veslebror hennar hadde reist året før. Ho kom attende til gamlelandet, der ho døydde i juni 1952 og kviler ved Solstad kyrkje i Bindal. **Olav Vilhelm** kjøpte garden Nordre Opdal, gnr 7/7 i Bindal, ved «[matrikkelutkastet av 1950](#)» er eigaren Oskar Lundseng. Panteregister, [protokoll nr. 4 \(s72\)](#).

Hjå DIS-gravminner finn ein at **Ingvard Leonard** ⁵³ *Lundseng* døydde [16. juni 1950](#). Han kviler inntil **Agnes Lydia Simonsdtr** *Lundseng* f [Aarset](#) 4. mars-, dpt [23. mai 1895](#)^[#2], konf [4. juli 1909](#)^[#11]. Broren, **Halfdan Konrad Lund** ⁵⁵ *Lundseng* døydde 10. november 1985 og er gravlagd på [Grefsen kirkegård](#) i Oslo. **Betzy Alfrida** *Lundseng* f [Lertre](#) i Lånke 3. juni-, dpt [Lånke krk. 28. juni 1908](#)^[#10], busett på [Lerfald gnr 180/14](#) i Lånke herad ved [FT1910](#) er i grava attåt.

Konrad Peder ⁷² *Lundseng* gifta seg med **Margot Cicilie Hansdtr**. Klokkarboka for Gravvik syner at dei vart foreldre til **Agnes Kristine** ⁷²¹ f *Lundseng* 3. juli-, dpt [10. september 1922](#) ^[#8], død [23. februar 2012](#), gravlagd Lørenskog 7. mars s.å. saman med [Anton Marius Haagensen](#) (9/4-1915 - [18/9-2007](#)). **Hanna Marie** ⁷²² f 29. mars-, dpt Gravvik [9. juni 1924](#)^[#3], død [19. mai 1991](#), gravl. [Høknes gravlund](#) i Namsos 24. mai s.å., saman med [Olav Kihl](#) (3/6-1917 – [7/12-1986](#)). **Margot Cicilie** var f på [Kjærstad nordre gnr 1/1 i Bindal](#) 17. februar-, dpt i Gravvik [14. juni 1886](#)^[#0]. Ho døydde [20. november 1929](#) og vart lagt til kvile ved Gravvik krk 2. desember s.å. - **Konrad Peder** ⁷² gifta seg seinare opp att med **Marie Elise Kristiansdtr** f på [Sætran i Bindal](#) 14. september-, dpt Solstad krk [4. juni 1906](#)^[#3]. Ho er å finne på Sætran ved [FT1910](#). Hø døydde [23. november-](#) og gravl. ved Gravvik kyrkje 1. desember 1992.

Thomas August ¹¹ er i [FT1875](#) registrert på Lundsengen. Ved [FT1900](#) er han «Agent i Olier» og gift med «*Handlerske i Kolonial*» **Sofie**. Dei bur då i «2^d Etage, Matr no 78 i Molde kjøpstad». Kona er truleg **Sofie Petrine** f 26. juli-, dpt [29. august 1875](#)^[#28] i Molde, dotter til matros [Christen Hoel](#) og [Marie Baardsdtr Ødegaard](#). Ho er ved [FT1875](#) busett i «*Gaard 191,3*» i Molde, i [FT1885](#) er bustaden «*Gaard 116*». **Sofie** vart konfirmert i Molde [13. april 1890](#)^[#5]. **Ekteparet**, her nemnde *Lundsang*, reiser med billett til [Newmans Grove](#), Nebraska 16. juni 1908 ([Thomas](#) – [Sofie](#)). Billetten er betalt i Trondheim, men reisa går via «[Xania](#)». **Thomas** er her nemnd g(ift) *Kjøbmand* med bustad *Molde*.

De kan finne meir om familiane i «*Gårder og slekter i Gravvik*» sidene [209-213](#) (*Lundseng*), side [236](#) (*Kil*), [300](#) (*Kongsvik*). «*Sømna Gård og slekt I*» side [216](#) og «*Overhalla bygdebok*» Bind III side [62/63](#) har opplysningar om **Ole Jørgen** ⁸ si slektsgrein.

«Forgreininga» eg nemde i «[stubben](#)» frå [Andøya](#) har si andre kopling til Lundseng:

	EMBJØR / EMBIØR / IMBJØR			Ingebjør(g) / -bor(g)		
	1801	1865	1910	1801	1865	1910
Lesja	18			87	73	52
Dovre					50	41
Lom	85	65	5	1	4	12
Skjåk		46	12		4	13
Vågå (1910 m Sel/Heidal)	149				155	86
Nord Fron		65	8		62	60
Sør-Fron		32	3		16	22
Ringebu		6	4		91	69
Gausdal		3			244	64
Øyer		2			130	129
1910 Sørreisa, Overhalla, Drammen		1 (Vefsn)	5			
Vang				102	154	106
SLIDRE				124		
Vestre Slidre					152	123
Øystre Slidre					142	117
AURDAL				222		
Nord-Aurdal					160	235
Sør-Aurdal					86	157
Etnedal					46	

Til Namsos – lenge før Trønderrocken si tid

Som nemnt i stubben om «[Lekamøya](#)», var [Kari Olsdotter](#) dpt [19.september 1841](#)^[#79]. Ho er nok komen til Namsos saman med [Erik Nilsson](#) sumaren 1865 (eller tidlegare). Dei døyper dottera [Inger Mathea](#)^{B1} i [Namsos kyrkje 21. januar 1866](#)^[#3]. Ho var fødd i Namsos 28. august 1865. Ved [FT1865](#)^[029-031] er foreldre og dotter registrerte på Verftstangen i «*Namsos ladested*». Erik er då «*Skomager*».

[Erik Nilsson](#) var f på [Solbrekkeige](#) 25. februar- og dpt i [Skrautvål kyrkje 12. april 1840](#)^[#24]. Her vert han òg konfirmert, [1. juli 1855](#) ^[#25], då er han nemnd [Lundmoen](#). Han var son til [Nils Halvorson Solbrekkeige](#) (dpt [Bruflat krk 22. mai 1796](#)^[Hside,7.ovanfrå] - [FT1801](#)) og [Ingebjørg Knutsdtr «Wedhoug»](#) (dpt [22. mai 1800](#) ^[H side,3.ovanfrå] i [Skrautvål krk -](#)[FT1801](#)). [Nils](#) og [Ingebjørg](#) gifta seg [27. februar 1820](#)^[#5].


[4. mars 1866](#)^[1] har [Kari Olsdtr](#) og «*Arbeidsmand*» [Erik Nilsson](#) teke turen til Namsos kyrkje for å få ekteskapet i offisielle former. Dei har med [E A Strøm](#) og [Peter A Frøislandseier](#)^[#93] frå Torpa som forlovarar. Det er notert at dei båe er «*vacinerede*» med [koppevaksine](#). Peter finn vi sidan i [Hattfjelldal](#). Der gifta han seg med [Maren Sofie Halvorsdtr](#). Far hennar var frå [Etnedal](#).

Så har nok [Kari](#) og [Erik](#) sett kursen vidare nordover. - Dottera [Oline](#)^{B2} vert fødd 22. januar-, på [Kulstad i Vefsn](#), og døypt [26. april 1868](#)^[#33] i [Dolstad kyrkje](#). Erik er nemnd «*arbeider*» med bustad [Halsøen](#) når sonen [Enok](#)^{B3} vert døypt, i [Dolstad krk](#), [6. juni 1870](#)^[#73]. Guten var f 7. mai s.å. Innan neste barn kjem til verda har dei flytta nok ein gong. Dottera [Nikoline](#)^{B4} vert f 6. desember 1874 på [Glein](#) og dpt [18. september 1875](#)^[#15] i [Dønna kyrkje](#), [Nesna prgj](#). No er Erik skriven «*husmand*».

Ved [teljinga 1875](#) er familien busett på husmannsplassen [Skaret](#), løpenr. 7b i [Nesna herad](#). Då dottera [Karoline](#)^{B5} vert fødd, 29. mars-, dpt [Dønna krk](#). [14. juli 1878](#)^[#23] bur dei framleis på [Glein](#). Men bustad er skriven [Vaag](#) då dottera [Johanne](#)^{B6}, f 9. juni 1881, vert dpt i [Dønna krk](#). [12. juni 1882](#)^[#7]. Også dottera [Emilie](#)^{B7} vert f på [Vaag](#), 9. juni 1884, men då ho vert døypt, [28. september s.å](#) er det notert: «*Daaben udført af Sognepræst Solum i Nordvigens kirke, meldt mig 9/10-84*». [Denne dåpshandlinga](#)^[#40] er også ført inn i ministerialboka for [Herøy](#). [Erik](#) er nemnd «*Husmand*» ved dei tre siste dåpshandlingane.

[Inger Mathea](#)^{B1} vert konfirmert [18. juni 1882](#)^[#9], [Oline](#)^{B2} [29. juni 1884](#)^[#4] og [Enok](#)^{B3} [11. juli 1886](#)^[#12], alle i [Dønna kyrkje](#). - [Inger Mathea](#)^{B1} giftar seg i [Herøy prgj](#). [8. mai 1887](#)^[#1] med [Jørgen Bernhart Hansen](#) f i [Kulvik](#) 3. mars-, dpt [13. juli 1862](#)^[#23], konfirmert [22. juni 1879](#)^[#16]. Han er både i [FT1865](#) og [FT1875](#) registrert i [Nordviken Kulvik i Herøe prgj](#). Paret får dottera [Hilda Emilie](#)^{B11} f 18. juni, dpt i [Nordvik kyrkje](#) [5. september 1886](#)^[#53], konf [6. juli 1902](#)^[#38]. [Inger Mathea](#)^{B1} døyr på [Søvik sjukehus](#) i [Alstahaug](#) [8. april 1889](#) ^[u.nr] og vert gravl der 11. april s.å.

[Erik Nilsson](#) reiser frå [Trondheim](#) med «*tikett*» til [Portland, Dakota](#) [5. mai 1886](#). Biletten er «*betalt i Amerika*». [Kari Olsdtr](#) og borna [Enok](#)^{B3}, [Nikoline](#)^{B4}, [Karoline](#)^{B5}, [Johanne](#)^{B6} og [Emilie](#)^{B7} fylgjer etter [Erik](#) vel eitt år seinare, 18. mai 1887. Dei har alle reisemål [Portland, Traill co. Nord-Dakota](#). - [Hilda Emilie](#)^{B11} kjem også til [Nord-Dakota](#), ho reiser frå [Trondheim](#) [1. mai 1905](#) med reisemål [Mayville, Nord-Dakota](#).





Skomakar, skomakar – mak meg eit par

Ein skomakar er vel også ein «[parmakar](#)»
(med unntak for dei kundane som er «[trefotte](#)»)



Vi såg i den førre stubben at husfaren ved eitt høve vart nemnd **skomakar**. – For moro skuld gjekk eg snøgt gjennom folketeljningane for 1801, 1865 og 1910 for å sjå kor mange som har nytta denne yrkesnemninga . – Det hadde sjølv sagt vore meir interessant òg å få denne talserien som presentar av folketal, men her får de vera nøgde med å få berre dei «reine» tala frå «Digitalarkivet».

Les gjerne artikkelen om «[Skomakar](#)» hjå [Wikipedia](#)

Område / FT- År	1910	1865	1801
VANG	16	23	0
Vestre Slidre	11	24	
Øystre Slidre	18	18	
SLIDRE			1
Nord-Aurdal	39	29	
Etnedal	17		
Sør-Aurdal	38	54	
AURDAL			2
Valdres	139	148	3
Land	91	76	7
Hadeland	168	114	3
Toten	163	113	45
<i>Gjøvik kjøpstad</i>	42	8	
Vardal, Biri, Snertingdal	196	83	4
Fåberg, Gausdal, Øyer	126	122	44
<i>Lillehammer kjøpstad</i>	30	21	
Midt-Gudbrandsdal	110	97	24
Nord-Gudbrandsdal	127	150	4
OPPLAND	1192	932	134
HEDMARK	1000	869	170
ØSTFOLD	805	794	122
AKERSHUS	749	847	224
<i>KRISTIANIA</i>	1000	741	70
BUSKERUD	781	860	199
VESTFOLD	701	771	108
TELEMARK	516	502	38
AUST AGDER	513	513	86
VEST AGDER	501	567	117
ROGALAND	874	663	69
HORDALAND	812	553	17
<i>BERGEN</i>	590	506	9
SOGN OG FJORDANE	647	286	40
MØRE OG ROMSDAL	1000	534	22
SØR TRØNDELAG	989	842	163
NORD TRØNDELAG	553	535	141
NORDLAND	753	235	27
TROMS	395	139	9
FINNMARK	117	54	6

1000 tyder at det er fleire enn 1000 personar registrert.



Tømmerhoggar i Grong - «leilænding» på Bya i Harran

Notert fødd i «*Valders/Valdres*» i teljingar – men han Knut var Beiting.

Ved folketeljingane frå 1865 og utetter finn ein at **Knut Hammer** i Grong er notert med fødestad *Valders/Valdres*. – Men nokon gard kalla *Hammer/Hamar* finn ein ikkje i Valdres. Det næraste ein ville tenkje på var Hamre (Vang og Vestre Slidre).

– Ein kan i ny og ne undrast på om lokalisering av «geografisk stad» er proporsjonal med forståenden mellom «subjektet» (personen som skriv/uttalar seg) og «objektet», det geografiske «målpunktet». –

Ein Valdris vil vel i mange høve seia at einkvan reiste til Trøndelag, utan å tenkje over at dette omgrepet dekkjer to store fylke! I same slengen kan ein ta med alle som talar on dei som emigrerte til «Amerika» - der ein då meiner heile nordre delen av eit stort kontinent, - Likeins har mest alle nordmenn i amerikanske teljingar fødestad «Norway».

Sjølv fortel stubbskrivaren, dersom han talar med ein Valdris, namnet på bygda han kjem frå. Dersom han treffer ein Egde, Jærbu, Stril eller ein frå Vesterålen vil stubbskrivaren fortelja at han er frå Valdres – og dei gongene han er langt utanfor Noreg – ja, då vil han presentera seg som «Norwegian».

Men då «*Ungkarl, Skogsarbeider*» **Knud Olssen** (Hamar) giftar seg, [27.november 1875](#)^[#2] i [Trones kyrkje](#), Namsskogan, med «*Pige, Gaardmandsdatter*» **Serianna Bertina** Andreasdatter vert det «*letta på sløret*» Ministerialboka for Grong syner at **Knut** er fødd 1839 i «*Østre Slidre Præstegjeld*» og oppheld seg i [Flaattadal](#). Sidan også far hans er nemnt med gardsnamn kan ein lett stega seg attende.

Knut vart fødd 5/9- og dpt [27/10-1839](#)^[#43] og konfirmert i [Hegge kyrkje 28/5-1834](#)^[#15]. Han er son til [Ola Olson Beito](#) og kona [Randi Olsdtr.](#) Knut hadde eldre brør, og [grunnboksbladet](#) syner at storebror hans, Ola Olson, fekk tinglyst skjøte på garden ([nørre Beito grn. 2/7](#)) 1/3-1855.

Faren, [Ola Olson](#), var dpt i Hegge krk. [24/4-1802](#)^[Hside,6,nedanfrå], konf av [sokneprest Christie](#) i Hegge krk. [26/7-1818](#)^[#27]. «*fdmd*» (Føderådsmann) [Ola Olson](#) (Beito) dør [24/1-1862](#)^[#6] og vert jordfesta 16/2 s.å. – Ola gifta seg [8/11-1822](#)^[#38] med husmannsdottera [Randi Olsdtr Grønolen](#). Ho vart døypt «*ved Hegge*» [5/4-1800](#)^[Hside,7,nedanfrå] og konf [23/7-1815](#)^[#2] av [res.kap Suur](#) (Eg vonar han ikkje svara til namnet sitt!). Enkje, føderådskone [Ragndi Olsdtr](#) døydde [19/11-1891](#)^[#10] og vart gravlagd 30/11 s.å.

Ved [FT1865](#) har **Knut Hammer** tilhald på [Moum](#) løpenr 44 i Grong. Han er ugift, «*Logerende, Skovarbeider*». Den framtidige kona hans, **Serianne Bertine** Andersdtr bur ved [FT1865](#) på [Saursaunet](#), lno 189 i Egge sokn, Stod prgj. Ho var f 11/3-, dpt i [Egge kyrkje 9/6-1850](#) ^[#17] og konf. same stad [1/10-1865](#)^[#9]. Foreldra hennar heitte [Anders Einarson](#) (Saursvatnet) og [Bolette Pedersdtr.](#)

Serianne og **Knut** hadde nok «*tjuvstarta*» - tvillingane **Ola Andreas** og **Rosa Bertina** kom til verda 22/7- og er notert «*uægte*» då dei vart døypte i Trones kyrkje [27/12-1875](#)^[#12&13]. **Sofia** vart f 13/11-1876, dpt i [Harran kyrkje 2/4-1877](#)^[#3]. No er **Knut** skriven «*af Bya*». Det er han òg ved dåp av dottera **Anna**, f 21/7-, dpt [22/9-1879](#)^[#20]. Diverre er ikkje kyrkjebøkene etter 1879 frå Harran å finne hjå Digitalarkivet. Men vi finn familien registrert på Bya både ved [FT1900](#) og [FT1910](#). DISgravminner syner at **Knut O Hammer** dør i [mai 1925](#) medan **Serianne Bertine** lever fram til [16. oktober 1932](#). Dei kviler båe på Harran kyrkjegard. [Knut Hammer](#) (25/5-1887-30/4-1975) er nok sonen deira.

De kan lesa meir om familien på [sidene 258/259](#) i «*Grong Bygdebok, Gårds og slektshistorie for g.nr. 33-48*». Der er også eit fint bilete av ektefolka **Serianna** og **Knut**.



Knut O Beito og Serianna Hammer
(bilete lånt frå Grong bygdebok)

Ola Olson Beito (1802–62)
G.m. Randi Olsdatter f. Grønolshaugen (1800–91)
Born: Ole, f. 1822
Marit, f. 1824, gift til ein husmannsplass på Ringsaker
Ole, f. 1826, melde flytting til Kinsarvik i 1854
Ingeborg (1829–98), ugift jente
Anne, f. 1831, melde flytting til Ringsaker 1858
Barbra, f. 1834, d. etter 3 mod.
Endre, f. 1835, murar, g.m. Anne Knutsdatter Lykkja
Knut, f. 1839, flytte til Ringsaker
Ole (1841–42)
Ole, f. 1844, vegarbeidar

«*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» har i band A, side 55 fortalt at Knut flytte til Ringsaker. Det kan så vera, men han reiste i så fall vidare. Ein skal vera forsiktig med tru fullt og fast på sekundærkjelder. Sjekk alltid mot primærkjelder!

Banemeister på «Hell-Sundanbanen»

Ved [FT1865](#) finn vi «Husfader, Husmand med Jord» **Ole Syversen** og kona **Margrete Pedersdtr** busette i *Svenskepladsen* i «*Præstegaardens Skoledistrikt*» i Aurdal sokn. Paret har borna **Peder**, 6 år og **Anne**, 3 år gamal. – I det andre hushaldet på plassen bur foreldra til Ola, **Syver Olson**, 54 år og kona **Anne Larsdtr**, 54 år – samt syskena til Ola: **Anne** 27 år, **Andrea** 15 år, **Berit** 13 år og **Lars** 10 år. Den transkriberte teljinga finn de [her](#).

Ola Syversen var f på [Søreiseige](#) 11/12-1836, dpt [5/2-1837](#)^[#15] og konfirmert [27/6-1852](#)^[#20]. Han gifta seg i [Aurdal kyrkje](#) med syskenbarnet, **Margrete Pedersdtr** [19/11-1860](#)^[#18], Ho var f [7/12-1836](#), dpt [5/2-1837](#)^[#13], konf [27/7-1851](#)^[#15]. Ho var dotter til **Per Larsson** og **Anne Kristensdtr**.

Margrete og **Ola** vart foreldre til **Peder**(Per) f 11/12-1860, dpt [10-3-1861](#)^[#9], konf [18/4-1875](#)^[#5]. (Det er karen vi skal bli med vidare i denne stubben) – **Anne** 5 25/2-, dpt [5/4-1863](#)^[#22], konf [28/4-1878](#)^[#14], **Syver** f 24/2-, dpt [15/4-1866](#)^[#22], konf [4/4-1880](#)^[#9] og **Anton** f 21/5-, dpt [17/7-1870](#)^[#26]. – Familien er i [FT1875](#) nemnde med tilhaldstad *Svenskepladsen*.

Vi treffer **Peder Sørum** att som brudgom i Eidsvoll [11. september 1886](#)^[#38]. Han er no arbeidar og bur på [Trandum](#). Brur er **Karoline Jensdtr** frå [Myrer](#), så **Peder** har nok ikkje hatt særleg lang friarveg. **Karoline** var f 15/8-, dpt i [Langset krk.](#) [31/8-1862](#)^[#37], konf [21/10-1877](#)^[#10]. Ho var dotter til **Jens Dyresen** og **Marie Johannesdtr**. Ved [FT1865](#) bur familien på Bjørnesæt under lno. 148 i Eidsvoll medan dei i [FT1875](#) er norert med bustad på Myrerhaugen.

Karoline og **Peder** får borna **Olga Marie** f 11/2- dpt [Langset krk.](#) [7/4-1887](#)^[#12], konf [6/10-1901](#)^[#16]. **Johan** f 18/11-, dpt [25/12-1888](#)^[#27], **Ottar** f Nordre Myrer 13/10-, dpt [23/11-1890](#)^[#28], død [15/1-1962](#), gravl. Steinkjer kyrkjegard. Yngste sonen, **Albert** er fødd i 1892.

Ved [FT1891](#) er **Karoline** og borna registrert med bustad *Sørumsløkken*, gnr. 203/8 i Stensby teljekrins i Eidsvoll. ([Husliste#12](#), Personsedlar: [1,2,3,4](#)). På skjemaet til **Karoline** er det notert: «*Har sit ophold af sin Mand. Ikkje fraskilt. Forsørgerens livsstilling: Formand havnevæsenet, Kristiania*». – Foreldra hennar og broren **Bernt** bur i *Skrædderstuen* gnr 203/7.

Karoline dør [18/3-1894](#)^[#6] og vert gravl. ved [Langset krk.](#) 29/3 s.å. No er ektemannen **Peder** skriven «*Arbeidsformand ved Jernbanen*». Borna bur ved [FT1900](#) hjå bestefaren, «*Skredder og selveier*» **Jens Dyresen** og morsystema **Anna Jensdtr** i *Skrædderstuen* gnr 203/7 i Eidsvoll herad. **Jens Dyresen** dør av «*Brysthinnebetennelse*» på [Myrer](#) [8/5-1903](#)^[#9], gravl. 18/5 s.å. FT1910 for Heddal herad i Telemark syner at **Olga Marie** er tenestjente på Sten gnr 44/101 medan **Albert** arbeider ved [salpeterfabrikk](#) og bur på Høienhol i Notodden.

Peder Sørum vert ikkje enkjemann i noko lang periode. Ei innførsle i Ministerialboka for [Kvam i Nord-Fron](#) syner at «*Jernbaneopsynsmand*» **Peder Olsen Sørum** går inn i ekteskap med **Amalie Andersdtr Moen** [10/8-1895](#)^[#3]. I feltet for lysing er skrivne: «*Borgl. stiftet iflg skr. fra N Gudbrd af 10/5-95. – Brudgomens 1ste ægtesk opløst ved hustruens død 20/3-94*». **Amalie** var f 5/1- på [Garsjømoen i Hurdal](#), dpt i [Hurdal krk.](#) [23/3-1873](#)^[#18], konf [2/10-1887](#)^[#19]. Foreldra hennar var **Anders Andersen** Oppperud og **Oline Nilsdtr** Garsjømoen.

Fyrste barnet til **Amalie** og **Peder** fekk namnet **Asbjørn Olav** ^A. Han er f på [Eide i Nord-Fron](#) 28/8- og dpt i [Sel krk.](#) [29/11-1895](#)^[#24], konfirmert i [Åsen krk](#) [9/10-1910](#)^[#28], død [23/5-1970](#). Sonen **Trygve** ^B vert f 1/11-, dpt [Kvam krk.](#) [29/11-1896](#)^[#31], konf [Åsen](#) [8/10-1911](#)^[#2]. **Peder Sørum** er ved baa barnedåpane skriven «*Opsynsmand*». – I tida før neste barn vert døypt har **Peder** skifta «banestrekning» - frå [Dovrebanen](#) til [Hell-Sundanbanen](#).



«Alle engelskspråkelege skal ha stempla postkorta sine med Hell» – så fortalde ein Overhalling meg i 1974. «HELL, be careful» var måla i ei fjellskjering. - Biletet (av postkort) lånt frå [www.qxl.no](#)

Frå DISgravminner finn ein at **Trygve Sørum** døydde [27/8-1988](#) og er gravlagd på Lademoen gravplass i Trondheim. Under same gravstein kviler **Borghild Amalie**. Ho vart f i Baahusgt 4 i Trondheim 8/7-, dpt [Lademoen krk 12/10-1902\[#345\]](#), død [27/2-1983](#). Foreldra hennar er kaiarbeidar [Anders Hansen](#) og [Bina Amalie](#) f Hansen.

Aslaug Mildrid C Sørum vert f på [Øyen](#) i Lånke10/1-, dpt i [Lånke krk. 31/3-1899\[#4\]](#), konf Åsen krk. [5/10/1913\[#10\]](#). Ho giftar seg i Åsen krk. [29/12-1923\[#1\]](#) med målar **Olvar Henry Svendsen**. Han var f 27/6-1895 i Stamsund [og døypt s.å.#34](#) i [Hol krk.](#) i Buksnes (Vestvågøy), konfirmert i Hol krk. [12/6-1910\[#10\]](#). Han er son til målar [Olav Svendsen](#) og [Erika Karoline Pedersdtr.](#) Han er busett i Bagervik under gnr. 52 i Buksnes ved [FT1900](#), i Stamsund gnr 53/1 ved [FT1910](#).

Amalie og Peder Sørum finn vi i [FT1900](#) saman med tre born busett på [Øyen gnr. 163/1](#) i Nedre Stjørdal herad.

Paul Charles P f Øyen 27/1-, dpt Lånke [10/3-1901\[#2\]](#), konf Åsen [1/10-1916\[#16\]](#). No er faren nemnd «*Opsynsmand*». **Paul Charles** døyr [10/1-1953](#) og er gravl. på Åsen kyrkjegard 16/1 s.å. Same gravstein syner òg **Borghild Sørum Berg** f Strømnes (26/7-1907 – 4-12-1989).

Birger Nikolai E f Mariedal, Åsen 21/5-, dpt [21/6-1903\[#9\]](#), konf [6/10-1918 \[#5\]](#) .- Ein av faddrane hans var [orgelbygger P Torkelsen](#). Ved dåp er faren skriven «*Banemester*». **Birger Nikolai** døyr [12/2-1923](#) og er gravlagd i Steinkjer. **Annie Sørum** (29/9-1909 – 5/10-1993) er hogge inn på same gravstein. Ho er truleg dotter til jarnvegsarb. [Aneus Gudding](#) og kona [Anne](#). Annie finn vi i [FT1910](#) busett på [Dragset](#) gnr. 13/5 i Soknedal herad, Støren prgj. Ein [Geniprofil](#) er funne.

Signe F f Lunden, Åsen 20/5-, dpt [25/6-1905\[#11\]](#), konf [3/10-1920\[#6\]](#). Mellom faddrane var [Brugseier Arn Bye og h.](#) **Signe** gifta seg [10/7-1926\[#3\]](#) med handelsbetjent **Leif Arthur Dahling** f 17/5-, dpt [Alstadhaug krk. 25/6-1899\[#17\]](#), konf. [28/9-1913\[#23\]](#). Truleg er det **Leif** som er nemnt som [styrar av Åsen Samvirkelag](#). **Signe** døydde [9/12-1980](#) og vart gravlagd 5/8 s.å. medan **Leif Arthur** døydde [17/6-1979](#), gravl.23/6 s.å. Dei kviler bae på Levanger kyrkjegard.

Ole G f Lunden 22/6-, dpt [11/8-1907\[#11\]](#), faren skriven «*Banemester*». **Ole** døydde [9/12-1929](#). Broren **Kåre H** f 5/4-1909 fekk heller inga langt liv, han døydde [20/1-1923](#).

Ved [FT1910](#) er **Peder Sørum**, «*Banemester v/ Hell –Sunnanbanen*», med huslyd registrert busette på Lunden gnr. 44/11 i Vedul tekjkrins, Åsen herad, Frosta Prgj.

Margrethe I f Lunden 23/4-, [dpt 21/5-1911\[#5\]](#). – Faren skrive «*Baneform.*». Ho vart konf i Åsen krk [3/10-1926\[#9\]](#). Ho vert gift med **Einar Sigurd Vedul** f på [Brakstad](#) 7/11-, dpt [26/12-1909\[#30\]](#), konfirmert [5/10-1924\[#10\]](#). Foreldra hans er «*Hjemnev.gmds*» [Olav Israelsen Vedul](#) og [Anna Einarsdtr.](#) **Einar Sigurd** døyr [15/7-1992](#) medan **Margrete** døyr [19/4-1999](#). Bae gravl. ved Åsen krk.

Gunvor Amalie K f Lunden 20/3-, dpt [12/5-1913\[#5\]](#), konf [23/9-1925\[#5\]](#). Ho vert gift [20/10-1934\[#9\]](#) med **Ottar Arnulf Hovdal** f [Lo i Skjesol teljkr.](#) 21/7-, dpt [28/8/1914\[#9\]](#), konf [29/9-1929\[#3\]](#), son til [Johannes Lornsen Lo \(FT1910\)](#) og [Anna Odinsdtr.](#) **Ottar** døyr [25/4-1985](#), medan **Gunvor Amalie** døyr [10/5 s.å.](#) Bae kviler på Åsen kyrkjegard.

Per L f Lunden 3/10-, dpt [22/11-1914\[#15\]](#), konf [29/9-1929\[#8\]](#) giftar seg i Alstadhaug kyrkje [23/7-1939\[#0\]](#) med **Oline Andersen**. Ho var f på Nordtun i Skogn 30/10-, dpt [29/11-1914 \[#19\]](#), med foreldre [Oskar Andersen](#) og [Emma Oline Sørmo](#). **Oline** døyr [15/6-1987](#) - og **Per** [13/9-2001](#).



Levanger Museum har bilete frå bryllaupet til Oline Andersen og Per Sørum (Foto: Sverre Bjerkan)

[Du finn ei større utgåve på DigitaltMuseum si nettside](#)

DIS-Gravminner syner at **Peder Sørum** døyr [2. juli 1939](#), medan kona **Amalie** lever fram til [27. desember 1949](#). Bae kviler på Åsen kyrkjegard i Levanger kommune.

Oldebarnet deira har laga ei oversiktleg og fin [slektstavle på Geni](#).

Etnedalskona på [Stenerhaugen](#) i Overhalla

Tre av fem sysken kom nordom Dovrefjell

Kari fekk namnet sitt i [Bruflat kyrkje](#) [16/5/1819](#)^[#25]. Ho var fødd på [Espelieige](#) i Bruflat sokn 22/5 s.å. og nest yngst i ein syskenflokk på fem. Foreldra var [Knut Erikson](#) og [Marit Enge-bretsdr.](#) To av syskena hennar, **Erik**(stubb) og **Ingri**(stubb) kom til Hadsel i Vesterålen, medan systera **Ingebjørg** vart gift på Toten.

Kari vart konfirmert i [Bagn kyrkje](#) [23/6-1833](#)^[#18]. Ho vert skriven **Kari Knudsdt** [Aamodt](#) då ho [14/6-1842](#)^[#13] får utferda utflyttingsattest «*Til Ringerige*». Om ho Kari tok feil av vegen, eller om Sør-Aurdalspresten hadde høyrte fortalt om Ringerige i eventyret «*Somme kjerringer er slike*» kan vera opp til lesaren å vurdere, men notatet i Ministerialboka for Gausdal [1843](#)^[#17] syner at *Pigen Kari Knudsdr Aamodt* 24 år gml. er innflytta som *tyende* med attest av 14/6-1842. På linene #10-16 er familien *Hans Nilsen/Ingri Knudsdr og deres 6 børn* (frå [Fløgei i Etnedal](#)) innført.

Mykje tyder på at ho **Kari Knutsdotter** snøgt fekk seg friar i Gausdal. [9/7-1843](#)^[#88] har ho med ein son til [Nykirken](#), der får han namnet **Simen**. Guten var fødd *uægte* 2/7-1843. [28. februar 1844](#)^[#7] går ho inn i ekteskap med far til guten, ungarl **Iver Stenersen**, 22 år, frå [Kirkerudsveen](#). Kyrkjebøkene nemner berre ein forlovar, *Erick Knutsen Brændhousen* frå *Valders*. ([Klokkarboka](#) har best leseleg handskrift). **Erik** er, så langt eg kan skjønne, storebroren til Kari.

Iver Stenersen var f på [Syverud](#) i Fåberg prgj. 4/3- og dpt [10/3/1822](#)^[#32]. Han er notert med «*Opholdsted*» Kirkerudsveen då han vart konfirmert i [Nykirke](#) i Gausdal [27/5-1838](#)^[#91]. Foreldra til Ivar er ved dåp notert å heite [Stener](#) og [Ingeborg](#). Diverre er det ikkje skrivne patronym til nokon av dei. Ved konfirmasjonen til Ivar er dei både i ministerial- og [klokkarbobok](#) kalla [Stener Iversen](#) og [Ingeborg Amunds.](#) Eg har ein sterk mistanke om at [Ingeborg Amundsdr](#) er ho vi finn døypt i Gausdal [25/6-1797](#)^[Hside,øvst]. Ho er dotter til husmannsfolka Amund Ellingson [Finsrudeige](#) og Mari Christensdr. Ho er ved [FT1801](#) registrert på Finsrud i «*Gusdal, Folleboe, Boedal og Svadsum sogn*» i Gausdal herad. [Steener Iversen, 3 år](#), finn vi på [Forset](#), son til [Inderst og Glasmæster Iver Stenersen](#) og [Anne Joensdr.](#)

[17. mai 1844](#)^[#21-23] «*Attest for Inderst Iver Stenersen Kirkerudsveen 22 aar Kari Knudsatter 23 aar og barnet Simen Iversen*». Dei har peila seg ut Alstahaug i Nordland som reisemål. 3 dagar etter får «*Egtefolkene gaardmand Mikkel Arnesen Kirkerudsveen og Kari Syversd fra Valdres samt bornene Simen 3 aar og Mathis 1 1/2 aar attest til same sted*». – Vi finn nok ikkje att desse folka i Alstahaug. **Kari** og **Mikkel** kom til Hattfjelldal (stubb) medan **Kari Knutsdr** og **Ivar Stenersen** enda reisevegen i Overhalla.

[FT1865](#) fortel at **Iver Stenersen** er «*Husm. m. Jord*» og bur på plassen [Stenerhaugen](#) i Skage sokn i Overhalla prgj. Her bur òg foreldra til Iver, Stener og Ingeborg, dei er no *føderaadsfolk*. **Iver** og **Kari**(Karen) har fått to døtre etter at dei kom til Overhalla. **Ivara Christine** f 4/3-, dpt [Skage krk](#) [4/8-1861](#)^[#65], konf [11/6-1876](#)^[#3] og **Mathilde** f 4/10-1864, dpt [19/2-1865](#)^[#23], konf [8/6-1879](#)^[#2].

Ved [FT1875](#) har Stenerhaugen fått lno. 185 notert, vi finn dei same folka son ti år tidlegare bortsett frå [Julius](#)^[#106], dotterson til Stener og Ingeborg.

Ivara Kristine giftar seg i Skage krk [29/3-1880](#)^[#2] med inderst **Anton Arntsen**. Han var f på Sagbakken 28/10-, dpt i Snåsa [28/12-1856](#)^[#718]. Han er skriven *Anton Arntsen Moahaug* ved konfirmasjonen i Snåsa krk. [1/10-1871](#)^[#2]. Foreldra hans var inderstparet **Arnt Anderson Skjei** og **Karen Henrikke Ulfstad** frå Sparbu. [FT1865](#) syner familien busette på [Moum](#)haug i Snaasen prgj.

Ivara Kristine og **Anton** vert foreldre til ein gut 19/9-1881. Han får [16/10 s.å](#)^[#11] namnet **Arnold Ingeman**. Familien får i [april 1882](#)^[#7-9] utflyttingsattester med reisemål Amerika. Dei reiser frå Trondheim med billett til Morris, Minnesota 1/5-1882. [[2123](#), [2124](#) & [2125](#)]

Husmannskone **Kari**(Karen) **Knutsdotter** døyr [13/4-1899](#)^[#10] på «*Homstadpl*» og vert gravl ved Skage krk. 21/7 s.å. Det er skrivne at ho er fødd i Gudbrandsdalen, noko vi no veit er ein galen påstand. *Husm. enkem Iver Stenersen* døyr på *Homstad* [31/1-1899](#)^[#2], gravl 12/2 s.å.

Overhalla bygdebok, *Gårds og slektshistorie gnr. 1-29 (Kvatningen – Homstad)* har skrivne om **Stener Iversen** og familien på pladsen Kvernoen, [side 544-545](#).

På nettsida mi om [dødsfall i Nord-Trøndelag](#) har eg funne at om lag 105 personar med fødestad Gausdal er døyde i Nord-Trøndelag i tidsrommet (ca.) 1880 – 1930. Av desse hadde 30 tilhald i Overhalla, 13 i Verran.

«Født i Slidre»

syskenpar via Biri til Trøndelag

[19. mai 1816](#)^[#39] vert guten **Ole** døypt i Slidre prestegjeld. Han var f 10. mai og foreldre er indetstparet Hans Pedersen Høyme frå Edsvold og Sigri Tostensdatter. Guten vert konfirmert i Biri kyrkje [19/6-1831](#)^[#23], skriven **Ole Hansen Hoimeseiet**.

Jenta **Ragnhild Hansdtr Bakke-Ejet**, 15 år gamal, vart konfirmert i Lome stavkyrkje [26/8-1827](#)^[#2] er også skriven med far Hans Pedersen. Ministerialbok #4 for Biri prgj syner av **Ragnhild Hansdtr**, 19 aar, [30/6-1831](#)^[#1] har meldt innflytting frå Slidre prgj. Ho skal vera *tjener paa Melbye*. - Eg vel å tru at **Ole** og **Ragnhild** er sysken. – Om det er nokon samanheng mellom desse folka og påassen Hansehaugen ([side 54](#) i «*Gardar og slekter i Vestre Slidre*» får lesarane sjølve vurdere.

Ungkarl **Ole Hansen Engereiet**, *født i Slidre*, 22 år gamal, giftar seg i Biri kyrkje [30/12-1839](#)^[#4] med *pigen* **Oline Knudsdtr Liereiet**, 18½ år gamal. Vi finn **Oline** konfirmert i Biri kyrkje [20/4-1834](#)^[#20], Ho er f 20/2-, dpt [20/2-1820](#)^[#368] i Ringsaker hovedkyrkje. Foreldra er Knut Olson og Pernille Johannesdtr frå Liereie i Redalen. (Redalen vart overført frå Ringsaker prgj. til Biri prgj. etter kgl. res. av [6/1-1821](#)). - Sonen **Knut Olson** vert f 19/11-, dpt i Biri krk. [5/12-1841](#)^[#51]. Dottera **Helene Olsdtr** f 6/3-, dpt Biri krk. [17/3-1844](#)^[#35].

[18/10-1846](#)^[#11,12] melder *Ægtefolkene Ole Hansen og Oline Knudsdatter af Biri* innflytting til For(r) sokn, Stod prgj.- *for at søge arbeide*. Det er ikkje notert om dei har med seg born. - I rubrikk for «*hvor den Indflyttede opholder sig*» er det skrive *Steinkjær*. Dei har med attest frå Biri datert 17/1-1846, men i Ministerialboka for Biri finn ein inga «kontramelding».

Helene Olsdtr vert konfirmert i For krk. [2/10-1859](#)^[#9]. Ho er ved [FT1865](#) nemnt saman med faren, *husmand med Jord* **Ole Hansen** og storebror, *tømmermand* **Knut Olsen**, på «Heggesplads» i Forr sokn, Stod prgj.

Ho **Helene** har nok hatt eit lite eventyr med *ungkarl* **Carl Ludvig Paulsen Lønnumplads af Sparboen**. Han vert nedskriven som far til guten **Peter Martin** ^A, f Heggesplads 26/11-1865, dpt i Egge krk, Steinkjer [21/1-1866](#)^[#1]. **Helene** og **Karl Ludvig** er skrivne Rendumvald då dei vert gifte i Alstadhaug krk i Skogn prgj. [16/2-1869](#)^[#1]. **Karl/Carl Ludvig** var son til Inderstparet målar Paul Torstensen Qvistad og Ane Margrete. Han var f 2/5-, dpt i Sakshaug gml.krk. [14/7-1844](#)^[#50].

Rendumvald er notert som fødestad for dottera **Hanna Oline** ^B f 16/9-, dpt [21/11-1869](#)^[#65], konf [5/10-1884](#)^[#15] og sonen **Hilmar Konrad** ^C f 30/12-1874, dpt [28/3-1875](#)^[#16], konf [25/9-1889](#) ^[#16]. **Helene** og **Karl Ludvig** får også sonen **Ole** ^D f Skjervevald 12/7-, dpt [31/8-1884](#)^[#20], konf [24/9-1899](#)^[#20].

[FT1875](#) syner at familien har tilhald på Myren østre, kno. 250 i Skogn herad. **Ole Hansson** f 1816, her skriven med Biri Prsom fødestad, (*som vi veit er feil*) bur saman med dei. - Når vi kjem fram til [FT1900](#) er bustaden skrive Skjervesmyren under gnr [89/1 i Skogn](#) herad. **Hilmar Konrad** ^C er no *jernbanearbeider*. Han gifta seg [19/8-1899](#)^[#12] med **Kristine Emilie** Andreasdtr f 1874 i Verran. Dei fekk sonen **Harald Monrad** ^{C1} f Skjærvesval 24/10-, dpt [3/12-1899](#) ^[#32], konf [4/10-1914](#)^[#21]. **Kristine Emilie** var f Ørsjødal i Verran 15/4-, dpt [5/7-1874](#)^[#28], konf Inderøy [12/10-1890](#)^[u.nr]. Ho er dotter til enkje Elen Margrete Pedersdtr og ungarl Andreas Eriksen.

I 1900-teljinga er **Ole Hansen** notert med korrekt fødestad, Vestre Slidre. Men ved innførsle av død, [15/11-1909](#)^[#14] /gravferd 23/11 s.å. vert det atter skrive Biri prgj, som fødestad. **Ole** døydde av «Hjerneslag». Karen som var «*født i Slidre*» nådde ein høg alder, 93 ½ år.

Ved [FT1910](#) finn vi framleis **Karl** (Paulson) og **Helene** (Olsdtr) registrert på Skjervevald under gnr. 89/1. Sonen **Ole** ^D gifta seg [11/7-1909](#)^[#0] med **Magda Jørgine** Austlid f Næsumval 4/2-, dpt [11/5-1884](#)^[#19], konf [24/9-1899](#)^[#3], dotter til *selveier* Johan Kristian Austlid og Anne Marie Arnesdtr. Sonen **Johan Konrad** vert f 30/10-1909, dpt [2/1-1910](#)^[#5]. Familien bur ved [FT1910](#) på Berg(gaard) gnr. 18/5 i Skogn herad.

Husmand og sagbruksarbeider **Hilmar Konrad** ^C Skjerve og **Emilie Andreasdtr** bur ved [FT1910](#) på Valumvald(plass) under gnr. [97/1](#) i Skogn herad. Dei har sidan 1900-teljinga fått to barn til, **Alf Kristian** ^{C2} f 30/4-1905, dpt [3/6-1906](#)^[#14], konf [2/10-1921](#)^[#9] og **Margot** ^{C3} f Nesgaard 28/4-, dpt [27/6-1909](#)^[#17]. – Sonen **Haakon Emil** ^{C4} vert f Saltvik 7/7-, dpt [30/7-1911](#)^[#16] og **Olav** ^{C5} f Saltvik 16/10-1914, dpt [1/1-1915](#)^[#1]. Ein GENIprofil syner familien til **Helene** og **Karl Ludvig**.

Storebror til **Helene**, **Knut Olsen** finn vi i Namsos ved utvalsteljinga 1885. Dei bur i *Gaard nr. 193, ved Landeveien*. **Knut** (skrive Knud Olsen Høknæshyllen) gifta seg i Namsos [13/10-1872](#)^[#20] med

pige **Cathrine Augusta** Olsdr [Bjørum](#). Namnet er **Katrine Augusta** då ho vert innskriven i kyrkjeboka for Overhalla. Ho er f på [Himoneset](#) 31/3-, dpt i [Ranem krk. 6/9-1846\[#62\]](#) og konfirmert i Ranem krk. [10/6-1861\[#9\]](#). Ved [FT1865](#) bur ho saman med to brør og foreldra, husmannsfolka [Ole Lorntzen](#) og [Helene Martinsdtr](#) på Færgestad i Ranem sokn i Overhalla herad.

Knut og **Katrine** vert foreldre til **Helmer Odin** ^O f Høknes 15/3-, dpt Namsos [11/5-1873\[#25\]](#), konf [2/10-1887\[#5\]](#). **Karl Albert** ^R f 19/12-, dpt [28/21875\[#12\]](#), konf [14/7-1889\[#9\]](#). **Martin Ludvik** ^S f 25/11-, dpt Namsos [30/12-1877\[#127\]](#), konf [8/5-1892\[#22\]](#). Faren ved dåp skriven *Tømmerman*. **Helga Oline** ^T f 4/5-, dpt Namsos [11/7-1880\[#33\]](#), [død 3/10-1881\[#18\]](#). **Harald Olaf** ^U f 25/8-, dpt Namsos [1/10-1882\[#38\]](#), konf [22/5-1898](#) [#10] og **Ole Konrad** ^W f 20/1-, dpt Namsos [28/3-1886\[#12\]](#), konf [13/5-1900\[#13\]](#).

Ved [FT1900](#) bur familien i «*alminneligt Vaaningshus*» i *Overhaldsveien* 193. **Knut Olson** er no nemnt *Hustømmermand*. Sønene **Karl Albert** ^R, *Hustømmermand*, **Harald Olaf** ^U, *Dagarbeider paa dampsgag* og minsteguten **Ole Konrad** ^W bur heime hjå foreldra. [FT1910](#) syner familien buande på same adresse som i 1900, no er berre yngstesonen **Ole Konrad** ^W heime av borna, men ein soneson, **Harald Knutsen** ^{OI}, son til **Helmer Odin** ^O, fødd 1901 i *Takoma* (Tacoma, Washington, USA) er nemnt som pleieson i husstanden. Regningsbud **Harald Knudsen** ^{OI} døyr i Namsos [10/12-1917\[#33\]](#) og vert gravl. 15/12 s.å. Dødsårsak notert som *Pericarditis v pleuri*.

Tømmermand, gift Knud Olsen f 1841 i *Birid* døyr [12/12-1926\[#15\]](#) og vert gravl 1812 s.å. *Enke Katrine Olsen* f 30/3-1864 i Overhalla døyr [2/10-1934\[#16\]](#), gravl 8/10 s.å. DIS-gravminner syner at **Ole Konrad** ^W **Knudsen** døyde [29/3-1967](#), gravl. 4/4 s.å.

Ragnhild Hansdtr, syster til **Ola Hansson**, finn vi truleg att i [FT1865](#), busett på [Heggesplads](#) i Forr sokn i Stod prgj. Ho er då hushaldar for [Hans Sivertsen](#), fødd i Østerdalen (*mange stader å velja i der*). Ut frå ein kombinasjon av omstende trur eg **Ragnhild** vart mor til ei ei uekte dotter, **Maria Hansdtr** f 3/6, dpt i Biri [25/11-1838\[#54\]](#) – heimedpt av *Elie Vinjateie* 25/7 s.å. I rubrikk for *Foreldrene* er notert: «*Pigen Ragnhild Kristine Hansdtr Engereiet. Som Barnefader udlagt Ungkarl og Soldat Hans Simensen af Gusdal, nu paa Blakstad i Vang*». «*Begges 2^{det} Lejermaal med hinanden. – Opgivet af Barne-moderens Fader*».

Pige **Marie Hansd** [Heggesplads](#), 22 aar, f i *Birid Prgj* giftar i For krk. [20/2-1860\[#4\]](#) med Ungkl **Henrik Hansen**, 24 år, [Tranaplads](#) i *Sparboe*. **Marie** har «*attest fra Birid af 24 Juni 1853*». Eg går ut frå at det er **Marie** og **Henrik** som er busett i Tranabakken i Mære sokn, Sparbu prgj. ved [FT1865](#), sjølv om **Marie** er norert som Frøning(Gudbrandsdøl). Dei har då sønene **Hans Bertinus**, f 8/4-, dpt [Skei krk 7/7-1861\[#20\]](#) og **Jon Martin** f 5/5-, dpt [14/8-1864\[#22\]](#), konf [22/5-1879](#) [#64] - Så kjem **Sigurd** f 23/5-, dpt [22/8-1869\[#18\]](#), konf [11/10-1885\[#11\]](#) og **Hilda Marie** f 28/2-, dpt *Stenkjer krk* [28/7-1872\[#13\]](#), **Karl Ot(t)o** f 12/5, dpt [27/8-1876\[#6\]](#), konf [11/10-1891\[#5\]](#), **Mathilde Pauline** f 7/5-, dpt *Steinkjer krk.* [18/7-1880\[u.nr\]](#), konf [6/10-1895\[#25\]](#).

Ved [FT1891](#) er familien registrert på Tranabakken i Skei herad. ([Husliste#13](#)), Personssedlar: #1,2,3,4,5,6,7. - Ved [FT1900](#) er bustaden kalla Tranaplass ubder gnr. 59/1 i Skei herad. No er føderådskone, enkje **Ragnhild** (Hansdtr) **Hegge**(Heggesplass) f 1812 losjerande ([fl](#)) hjå dei. *Husm.enkja Ragnhild Kristina Hansdtr* f 14/9-1812 i *Valders* døyr på Tranaplass [1/5-1904\[#3\]](#), gravl.8/5 s.å. Både ho og **Ola**,bror hennar, vart bae godt over 90 år gamle!

Går vi fram til [FT1910](#) for Tranabakken finn vi [Kvaksalverske Marie Hansen](#) som enkje saman med borna **Jon Martin**, **Sigurd** og **Hilda Marie**. Det ser ut til at kyrkjebølene for Skei/Ogndal etter 1906 ikkje er å finne skanna hjå Digitalarkivet.



Foto lånt frå [Ogndal.net](#) – Der dei kun har [fibrer i knekkebrødet](#) ... der er vel ikkje annleis «Norda Berget» heller..

«At tjene og dernest nedsette sig som husmand»

Knut or Solbrekkun sette seg klare mål !

Anders Olson og Marit Olsdotter frå Solbrekkun har med eit gutbarn til Skrautvål kyrkje 9/3-1834^[#24]. Guten får ved det høver namnet **Knut**. Han er mellom dei (mange) som ikkje er nemnt i «*Gard og bygd i Etnedal*». Faddrane kjem frå Åbol og Sebu. **Knut** var komen til verda 11/2-1843. Han giftar seg i Åmot krk. i Torpa 26/12-1857^[#31] med **Henrikka Olsdr.** Han er notert med Bjerke som *Oppholdsted*, ho med Rusde(ige). **Henrikka**/Henrika var f på Rudseige 20/2-, dpt i Åmot krk 4/4-1836^[#85], konf Åmot krk. 6/10-1840^[#27]. Foreldra hennar heitte Ole Olsen og Ane Henriksdr.

Henrikka og **Knut** er inderstfolk på Rudseige då dei vert for dottera **Anne Marie**. Ho vart f 19/2, dpt Åmot krk. 11/3-1860^[#28], konfirmert i Kolvereid krk 11/7-1875^[#3]. Familien får 20/10-1864^[#22-24] utflyttingsattest frå Land prgj. med reisemål «*Thronhjems Stift*». – Dei er innskrivne som innflytta til Kolvereid i 1864^[#15-17] «*I fjor Vaar*». «*Opgiven hensigt med Indflytningen*» er «*for at tjene og dernest nedsette sig som husmand under Lye*». Ved FT1865 bur dei på Lye lno. 193 i Kolvereid prgj.

Sonen **Sivert** vert f på Lye(Li) 6/8-, dpt 20/10-1867^[#38], konf 10/9-1882^[#16]. Så kjem dottera **Karen Helene** f 21/5-, dpt 18/9-1870^[#48]. Ho får berre vel fire år 'jordisk liv', ho døyr 1/6-1874 ^[#30] og vert gravl. 15/8 s.å.

Fleire opplysningar frå kyrkjebøkene har eg ikkje greidd å finne for **Knut Anderson** og sonen **Sivert**. Men dei er ein **Knut Anderson**, 49 år gamal –med bustad i Kolvereid- som er passasjer med «*Allan Line*» sitt dampskipet Tasso. Han reiser frå Trondheim 17/3-1883 med reisemål Audubon i Minnesota.

Anne Marie gifta seg i Kolvereid krk. 27/6-1887^[#7] med **Ole Hallesen** (Berg). Han var f 15/12-1859 og dpt i Foldereid krk 4/5-1860^[#12]. Han er son til gbr. Halle Olsen Berg og Eleonora Mathiasdr. **AnneMarie** og **Ole** er ved FT1891 busette på Øksning. (Husliste) (Personseddel 1,2). Dei vart 14/3-1888 foreldre til ei jente. Ho vart dpt 3/6-1888^[#13], og fekk namnet til farmora, **Eleonora**. Hennar personskjema finn du her. Ho vart konf i Kolvereid 12/6-1903^[#28]. Veslebroren **Hegge Konrad** vert f på Skaga 3/9-, dpt 17/10-1897^[#21], konf Kolvereid krk. 14/7-1912^[#11].

Ved FT1900 bur familien på Skage, Broenget gnr. 21/6 i Kolvereid herad. Her finn vi òg mor til **Anne Marie**, **Henrikke Olsdr** og ektemaken, kårmann **Kristian Mathias** Johansen. Dei gifta seg 21/7-1892^[#5]. «*Ægtefellerne døde, Skifteattester lereret*» er notert i klokkarboka. **Kristian Mathias** var fødd på Ramstad i Nærøy(Vikna?) 10/6-, dpt 20/7-1845^[#35], konf 15/7-1860^[#9]. Fyrste kona hans, Anne Elisabet, døydde 18/7-1891^[#6].

Bustaden er kalla Bruenget ved FT1910. Medlemmene i husstanden er dei same som ti år tidlegare. **Kristian Mathias** er skriven «*Gaardbruger*» medan **Ole Hallesen** er «*Lottebruger, fisker*».

Henrikka Johansen, *født Olsdr*, kårkone døyr på Skage 11/5-1923^[#6]. Ho vart gravlagd og jordfesta på Kolvereid kyrkjegard 20/5 s.å. «*ved datteren Marie Hallesen*» fortel kyrkjeboka.

Innan **Henrikka** døydde fekk ho oppleva at barnebarnet, **Eleonora Olsdr** gifta seg, 9/4-1911^[#5] med **Olav Teodor Kristiansen**. Han var f på Foldereid 24/2- og dpt i 17/5-1885^[#6]. Han er både ved FT1900 og FT1910 registrert saman med foreldra, gardbrukar Hans Kristian Kristoffersen og Hanna Petersdr på Foldereid gnr. 8/6 i Foldereid herad. DISgravminner syner at **Olav Teodor** døydde i 1950 medan **Eleonora** døydde 14/9-1983. Ho vart godt og vel 95 år gamal! – Båe ektefellene kviler på Foldereid kyrkjegard (Nærøy kommune frå 1964).

Eleonora og **Ole Teodor** var foreldre til **Brynjar** f 4/2-, dpt 27/5-1912^[#5], død 13/7-1987 og **Hanna Marie** f 20/6-, dpt 6/9-1916^[#12], død 27/9-2002, gravl Høknes gravplass, Namsos med etternamn Nilsen

De kan lesa noko om desse folka i Nærøy bygdebok «*Gårder og slekter i søndre del av Kolvereid*» side229 og i «*Gårder og slekter i Foldereid*» sidene 288 og 332/333.



Modelljernbane - Jernbaneverket

To karar med lang fartstid ved jernbanen

Ved [FT1910](#) er **Erik Dokken** - med fødestad Valdres - busett på [Gunhildsøien](#) (*plads*) i Støren prgj. Han er ugift og yrket er «*Jernbanearbeider*». **Erik** var f 24/11-1883, dpt i [Strand kyrkje 10/2-1882](#) [#3] og konf [23/5-1898](#) [#10]. Han er son til husmannsfolka under Synnstrønd - **Endre Endreson** ([22/5-1852](#) [#10] -) og **Siri Olsdtr** ([16/1-1856](#) [#41] -) som hadde farslekta si frå Åbjør. Her kan nemnast at mor til [Endre Endreson](#) heitte [Marit Gudbrandsdotter](#), ho var syster til [Erik Gudbrandson](#) (*Mørstad*) – og farsyster til [Anne Eriksdtr](#), båe nemnde i stubben «[Anne frå Ukshøvd kom til Steira på Sortland](#)».

Erik Endreson er ved [FT1891](#) busett saman med foreldre og sysken i Dokken ([Klevgård, Lo og Hovrud teljkrins](#)) under gnr 65/1 Synnstrønd. Her finn vi han òg ved [FT1900](#).

«*Arbeider, Opdal*» **Erik Endresen Dokken** gifter seg [1/1-1914](#) [#1] i [Nidarosdomen](#). Brur er *kokkepige* **Thora Bertine Toniusdtr** Bragstad. Ho var f på [Bragstadplass 17/8-](#), dpt [28/9-1884](#) [#5] i Sandvollan/[Hustad krk.](#) - [5/12-1923](#) [#20] og konfirmert [1/10-1899](#) [#12]. Foreldra hennar er husmanns-paret [Tonius Peterson](#) og [Beret Maria Ingebrigtsdtr](#). **Tora** og **Erik** vert 15/3-1914 foreldre til ein gut. Han får namnet **Einar** i Nidarosdomen [30/8-1914](#) [#43] ([KB Oppdal](#)) - **Tora** døyr på [Kongsvoll 21/7-1921](#) [#10], dødsårsak er «[Tuberkulose](#)». Ho vert gravl. ved [Oppdal kyrkje 29/4](#) s.å.

[5/12-1923](#) [#20] går *banevogter på Kongsvold* **Erik Endresen Dokken** inn i sitt andre ekteskap. Han gifter seg i [Oppdal krk.](#) med sjukepleierske **Sofie Danielsen**. Ein merknad i kyrkjeboka syner: «*Hans Iste ekteskap opl. ved døden 21/7-21. Skifteattest av 27/3-23*». - **Sofie** var f 15/2- på [Furstrand](#) i [Tranøy prgj.](#) på Senja, dpt i [Tranøy krk.](#) [14/8-1887](#) [#5] og konfirmert [9/6-1901](#) [#6]. Foreldra er gradbrukarparet [Daniel Norman Lorentsen](#) og [Johanne Katrine Pedersen](#). Ved [FT1900](#) finn vi henne busett på [Furstrand](#) gnr. 1/8 i [Tranøy herad](#), i [FT1910](#) er ho tenestjente hjå [Lensmand Opsjøin](#) på [Ibbestad gnr. 89/1](#) i [Ibbestad herad](#).

DIS-gravminner syner at **Sofie Dokken** døyr [6/3-1968](#) medan **Erik Dokken** døyr [14/2-1975](#). Båe kviler på [Snåsa kyrkjegard](#). -

DIS-gravminner fortel vidare at **Einar Dokken** døydde [13/10-1964](#) og vart gravl. på [Gruben øvre kyrkjegard](#) i [Rana](#). Her kviler òg **Haldis Dokken** (10/10-1915-[18/12-1980](#)). Ho var f i [Valvikja](#), dpt **Haldis Olea** [13/6-1916](#) [#2] i [Dønna kyrkje](#), konf [17/8-1930](#) [#5]. Ho er dotter til gardbrukar [Hans Olsen](#) og [Jentine Hansdtr](#). Vi finn henne òg på «[Frode sin Slektside](#)».

«*My Heritage*» og «*Geni*» har 3 visingar til **Sofie Dokken**. Det er stor sprik mellom informasjon gjeve i [dei 3 oppføringane](#) ! Dei har òg med dottera **Janne g. Gellein**. Eg tek nok ein gong med åtvaringa om at de må vera forsiktige med å stole på all info de finn hjå desse nettstadane.

- - - - -

Ola Gullikson kom til verda på [Tildei](#) i [Røn sokn](#), [Vestre Slidre 9/4-](#) og vart dpt i [Røn kyrkje 29/5-1882](#) [#11], konf [13/6-1897](#) [#4]. Både ved [FT1891](#) og [FT1900](#) er han busett på [Braaten gnr. 73/4, Røns kreds](#) i [Vestre Slidre herad](#). - Foreldra hans er «*murer og jordbruger*» [Gullik Olsen Prøven](#) ([Braaten](#)) ([31/1-1853](#) – [6/12-1930](#)) og [Ragnhild Olsdtr](#) ([22/1-1854](#) – [10/11-1940](#)). Familien er nemnde på [side 684](#) i «[Gardar og slekter i Vestre Slidre](#)».

[Teljinga1910](#) syner at **Ola Gullikson** (Ole Gulliksen) no er jarnvegsarbeidar, busett på plassen «*lille Kalvhagen*» under gnr. 44/1 i Støren. Han er no gift med **Aase** frå Arendal og dei har to søner. **Aase Gurine** var f 15/4-1888 på Torbjørnsbu i Barbu og dpt [9/9 s.å\[#92\]](#) i Metodistkyrkja i Arendal. Ho vart konfirmert [12/10-1902\[#6\]](#) i [Øyestad krk.](#) Ho er dotter til [Simon Terjesen Løvdal](#) og kona [Karen Kristine Olsdtr \(GENI\)](#). Familien er ved [FT1900](#) busette på Omholt([Åmholt](#)) lille i Øyestad herad.

1910-teljinga syner at sønene er fødte i Lunde, men å leite i Lunde i Telemark gjev inga tilslag. Det syner seg at her er ein siste bokstav gløymt av, av teljar - eller i transkripsjon. Svaret ligg i Lunder sokn i Norderhov prgj. Gutane er: **Georg Olaus** [A](#) f 25/12-1907 i Grindebakken under [Rud i Sokna](#), dpt [Lunder krk. 16/4-1908\[#12\]](#) og **Konrad Trygve** [B](#) f 19/7-, dpt Lunder krk. [22/8-1909\[#14\]](#), konf [Snåsa krk. 1/6-1924\[#8\]](#), død [3/8-1995](#), gravl. [Bjørhusdal kyrkjegard](#), Namsskogan – Så kjem **Ragnvald Kristian** [C](#) f 9/12-1910 på [Skaarvoldsplassen](#), dpt [Støren krk. 15/1/1911\[#2\]](#), død [11/3-1933](#), gravl. [Trones kyrkjegard, Namsskogan](#). **Aagot Kristine** [D](#) f [Voldøien](#), Støren 19/9-, dpt Støren krk. [10/11-1912\[#23\]\(GENI-profil\)](#). **Gullik Sverre** [E](#) f [Gammelgaarden](#), Støren 9/10-, dpt Støren krk. [8/11-1914 \[#29\]](#). **Ragnhild Amanda** [F](#) f 1916, død [1999](#), gravl. [Straumen gamle kyrkjegard](#) i Sørreisa. Ho kviler saman med **Hermod Sveinung Finnset** f [Finnset](#) 3/7-, dpt Sørreisa [9/9-1915\[#32\]](#), død [30/12-1997](#). ([GENI-profil](#))

I 1907 og 1910 er **Ola Gullikson** nemnd *Jernbanearbeider*, i 1912 og 1914 er han skriven *Formand ved jernbaneanlegg*.




DIS-gravminner syner at **Ole Gulliksen Løvmo** døydde [19/12-1960](#). Kona **Aase Gurine** døydde [11/1-1970](#). Båe er gravlagde på Trones kyrkjegard, Namsskogan. Her finn vi òg **Georg Olaus** [A](#), død [4/4-1987](#) saman med **Valborg Emilie** f 12/10-1910, død [22/9-1988](#) samt **Gullik Sverre** [E](#) død [1985](#) og kona **Edith Johanne** (23/4-1914 – [25/10-1991](#)) ([GENI-profil](#)).



Trones kyrkjegard (foto hjå «Tore22» - <https://www.flickr.com/photos/92983424@N03/14471563875>)

Nordland fylke ([Nordlands amt](#))

Nordland



FT1865	46
FT1875	29
FR1885	2
FT1900	24
FT1910	15
Giftarmål	27
Døde	27

Valdrisar i Nordland

Han Ola frå Tonseige fann si eiga «[Lekamøy](#)»

Syster til Ola, Kari - og mannen hennar, Erik Nilsson er omtala i «[Til Namsos før Trønderrocken si tid](#)»

Lekamøya



Lånt frå www.pedagogtreff.com

9. mai 1843 kjem ei lita jente til verda på [Svarvaa](#) i Kolvereid prgj. i Nord Trøndelag. Ho får namnet **Olava Elisabeth** [28. juli same år](#)^[#34]. Foreldra hennar er **Jørgen Paulson Svarvaaen** og **Helena Johnsdr.** Dei gifta seg [26. desember 1827](#)^[#8] i [Vassås kyrkje](#) i Bindal, Nordland. **Olava Elisabeth** vart konfirmert [24. juli 1859](#)^[#12] i Foldereid kyrkje. Ved [FT1865](#) finn vi hennepå Svarvaa, 2. teljegrins i Lekø prgj.

Sidan mykje av denne stubben vil gå føre seg i området kring fylkesgrensa mellom [Nord Trøndelag](#) og [Nordland](#), så kan det vera lurt å sjå på soknehistorikken. Men lat oss fyrst leggje turen vår til Nord-[Etnedal](#) i Valdres, eit område der òg både [kyrkjelege](#) og [administrative grenser](#) har vore på vandring gjennom tidene.

Ungkarl Ole Knudtsen og **pigen Marit Fredriksdatter** gifta seg i [Skrautvål kyrkje](#) 4.juledag ([28/12](#)) [1828](#)^[#21]. Båe har då [Solbrek\(ens\)Ejer](#) som «adresse». **Ola Knutson** vart døypt i [Bruflat kyrkje](#) [1. desember 1799](#)^[Hside.3.ovanfrå] og konfirmert i [Ulnes kyrkje](#) [20. juli 1817](#)^[#21]. Ved [FT1801](#) finn vi han saman med to brør, **Anders** og **Fredrik**, og foreldra, husmannsfolka **Knut Fredrikson** og **Kari Andersdotter** på «[Soelbrekke](#)» i «[Skrut Vold Annex](#)» i «[Ourdahl](#)» prgj. Dei vart trulova i 3. april 1886 og gifta seg [6. juni 1786](#) ^[V.side,6.nedanfrå].

Marit Fredriksdotter var f i [Hiei](#) 4. april- og dpt i Skrautvål krk. [26. mai 1808](#)^[Hside,2.nedanfrå]. Ho vart konfirmert i [Aurdal kyrkje](#) [8. august 1824](#)^[#9]. Ho er dotter til [Fredrik Nilsson](#) og [Guri Halvorsdotter](#) som gifta seg i Bruflat kyrkje [25. januar 1807](#)^[Hside,8.ovanfrå].

- Ein kan finne meir om desse familiane i [databasen til S-AGA](#). «Gard og bygd i Etnedal», sidene [55](#) og [77](#) gjev opplysningar om [Marit Fredriksdotter](#).

Marit Fredriksdtr og **Ola Knutson** får m.a. borna **Ola Olson** f [Tonseige](#) 7. november 1836, dpt i Skrautvål krk. [1. januar 1837](#)^[#4], konfirmert i Skrautvål [24. oktober 1852](#)^[#10] – og **Kari Olsdtr** f 5. juli-, dpt [19.september 1841](#)^[#79], konfirmert i Skrautvål [6. juli 1856](#)^[#35]. Sjå stubben «[Til Namsos – lenge før Tønderrocken si tid](#)». - **Marit** og **Ola** bur ved [FT1865](#) i [Brusveé](#) i Skrautvål sokn.

[13. november 1870](#)^[#9] finn vi «*ungk Ole Olsen, 34 Aar, født paa Tonseie i Nordre Aurdal 7/11-47, nu paa Svarvaa under Simble*» som brudgom. Brura er før nemnde «*pige Olava Elisabeth Jørgensdtr, 27 aar, født 9/5-43*». Sidan innførsla er i Ministerialboka for [Leka](#) – har eg valt å gi **Olava Elisabeth** nemninga Lekamøya i overskrifta på denne stubben.

Olava og **Ola** får denne barneflokken: **Jørgen Hartvig** ^{A1} f Svarvå 20. august 1868, dpt i [Foldereid](#) [1. januar 1869](#)^[#1], konf [Vassås krk](#)(Bindal). [1. juli 1883](#)^[#10]. **Mine Othilie** ^{A2} f Svarvå 25. september- 1871, dpt [Solstad krk](#) (Bindal) [26. mai 1872](#)^[#0], konf [Vik anneskrk](#)(Brønnøy) [26. juni 1887](#)^[#c]. **Olga Elise** ^{A3} f Svarvå 18. desember 1873, dpt Vassås krk. [29. juni 1874](#)^[#13]. **Karl Johan** ^{A4} f [Eidet i Bindal](#) 19. januar-, dpt Vassås krk. [11. juli 1875](#)^[#20], konf Vik anneskrk [8. juni 1890](#)^[u.nr]. **Ole Magnus** ^{A5} f [Risøen](#) 7. juni-, dpt Vassås [23. september 1877](#)^[#37], konf Vassås [24. juni 1894](#)^[#19]. Både **Karl Johan** og **Ole Magnus** er konfirmerte av sokneprest **Johannes L Rognaas**, han var son til ein Hippestbygding (*omtala i Østfold fylke*). **Ellen Marie** ^{A6} f Eidet 17. juni-, dpt Solstad krk [3. september 1882](#)^[#30], konfirmert Vassås krk [4. juli 1897](#)^[#37]. **Otto Andreas** ^{A7} f Sagmestereidet 24. oktober 1885, dpt Solstad krk [10. oktober 1886](#)^[#11], konfirmert Vassås krk [1. juli 1900](#)^[#25].

Ved [FT1875](#) bur familien på Åkervik under Eide, lno 36 i Bindal. Ole er skriven «Skogdriver». Eide(t) har i 'matrikelutkastet 1950' [gardsnr 102/1](#) og er ått av [Fr. Plathe](#). I [FT1891](#) har dei tilhald på [Kalfjeldet](#) i teljegrins 4, Sel og Harangfjord. [Husliste nr5](#), Personsedlar [f.o.m.#1](#) – [t.o.m.#7](#). **Ola Olson** er husmand med jord, «*Har sin hovednæring af pladsen ved jordbruk og fædrift. Biståes af fattigvæsenet*». Ein legg merke til at dottera **Olga Elise** ^{A3} no manglar, ho døydde [av skarlagensfeber](#) på Sønnehovd(?) [18.mars 1879](#)^[#4] og vart gravlagd ved [Vik krk.\(Sømna\)](#) 22. mars s.å. [1900-teljinga](#) syner at Kalfjeldet framleis er bustad for familien. [Ti år seinare](#) bur **Olava** og **Ola Olson** framleis på plassen Kalfjeldet under gnr 102/1. Men no bur berre dottera **Ellen Marie** ^{A6} saman med foreldra. Dei andre borna har flytta ut. Men dei har syster hennar Oline, [Anna Jørgensdtr](#) ^[#31] «*paa forpleining*».

Ola Olson (Eide) «*gift husmand*» dør [16. oktober 1919](#)^[#9]. Han vert gravlagd 24. oktober s.å. ved Vassås kyrkje og jordfesta 10. august 1920. Dødsårsak er skrive «Asma». Eg har enno ikkje funne kvar og når **Olava Elisabeth** enda 'det jordiske liv'.

Jørgen Hartvig ^{A1} **Eide** er nemnd «arbeidsformann - på Storforshei i Mo» då han giftar seg i [Hemnes 21. mai 1915](#) [#7]. Brura heiter **Kristense Mikalsdtr** og er fødd på [Udland](#) i Hemnes 1. mars- og dpt i Hemnes [18. april 1881](#) [#8]. Ho vert konfirmert [20. juni 1894](#) [#69], og bur då på [Jamtjord](#) i Hemnes prgj. Ved [FT1910](#) held familien til på [Jamtjorden gnr. 95/3](#) i Straumen teljekrins i Hemnes herad I [dette området\(Rana\)](#) har også kyrkjelege- og administrative grenser endra seg gjennom åra. Det synest som om grenseendingar ofte kjem av at samferdsla skiftar over frå sjø- til landeveg.

Kristense og **Jørgen** døypte guten **Ole** ^{A11} i Storforshei krk. [20. august 1905](#) [#75]. Ein **Ole Eide**, f 29/6-1905 er gravlagd på Farnes nye gravplass i Årdal [13. april 1984](#). Han døydd 8. april s.å.

Dei får dottera **Aasta** ^{A12} f Strømtjard 21. juli-, dpt i Hemnes [22. september 1907](#) [#42]. **Aasta (Eide)** er *hushjelp* då ho giftar seg i Kolvereid krk. [16. mars 1927](#) [#1] med *fisker* **Magne Julius Finnestrand**. Dei får sonen **Odd** f 25. mai-, dpt i Kolvereid [24. juli 1927](#) [#14]. DIS-gravminner syner at **Odd Finnestrand** døydd [24. november 2006](#) og er gravl. 2. desember s.å. ved [Dolstad krk.](#) i Vefsn. **Magne Julius** døydd [27. september 1972](#) og **Aasta** døydd [7. august 1878](#). Ektefolka kviler båe på [Gruben øvre](#) gravplass i Mo i Rana.

Kaja ^{A13} (**Eide**) vert fødd 27. august 1909 på Eide i Bindal. Ho vert døypt [3. oktober s.å.](#) [#13] i Solstad kyrkje. Mykje tyder på at ho vart gift med **Sverre Marius Nossum**. Han er ved [FT1910](#) busett i Nedre Møllenberggate 64 i Trondheim. [Flytteprotokollar for Oppdal](#) på Digitalarkivet fortel at **Sverre Marius** då var telegrafist (ved NSB?) og det ser ut til at han og **Kaja** hadde borna **Reidun** og **Arve**. DIS gravminner syner at **Sverre Marius** døydd [27. mai 1987](#) medan **Kaja** døydd [6. desember 1988](#). Båe er gravlagde på Ski gravplass i Follo.

Roald (Eide) ^{A14} vert f 19. januar 1925 på Jamtjord i Hemnes og dpt [28. juni s.å.](#) [#12]. - **Jørgen Hartvig** ^{A1} **Eide** døydd [8. juni 1934](#) og er gravlagd på Bjerka øvre gravplass i Hemnes.

Karl Johan ^{A4} (**Eide**) gifta seg i Mo kyrkje i Rana [9. juli 1905](#) [#18] med **Ingeborg Mathea Bang Jensdtr**. Ho var f på [Strandjord i Rana](#) 14. november 1873, dpt [22. mars 1874](#) [#11] i [Mo krk](#) og konfirmert same stad [23. juni 1889](#) [#17]. Foreldra hennar var «gaardbruger *Jens Pedersen* og *Rakel Elisabeth Eliasdtr*». Ved [FT1875](#) er dei busette på Strandjord lno 383a i Nord-Rana herad, femten år seinare, [FT1900](#), er dette gnr 80/1 i Mo herad. Ved matrikelutkastet 1950 er «*Staten*» eigar av heile [gardsnummer 79 \(og mykje meir\)](#).

Ingeborg Mathea og **Karl Johan** vert foreldre til **Ruth Julie** ^{A41} f 1.juledag 1905, dpt i Mo krk. [18. mars 1906](#) [#14]. **Olga Olivie** ^{A42} f [Nævarmoen](#) 25. februar 1907, dpt Mo krk. [21. juli s.å.](#) [#62] og **Peder Andreas** ^{A43} f Strandjord 16. mars-, dpt Mo krk. [18. juli 1909](#) [#60]. [FT1910](#) syner at familien bur på Strandjord gnr. 80/1 i Mo herad.

Ut frå DIS gravminner synest det som **Olga Olivie** ^{A42} gifta seg med **Hjalmar Axelius Meyer (Elvebakk)**. Dette vert stadfesta av ein [GENIprofil](#). **Hjalmar** var f på [Elvebakken 27. mai-](#), dpt [8. oktober 1905](#) [#102] og konfirmert Mo krk. [26. juni 1921](#) [#43]. Foreldra hans var gbr. *Johannes Martin Hansen* og *Anna Georgine Antonsdtr*. **Hjalmar** døydd [8. desember 1957](#) og **Olga Olivie** ^{A42} døydd [28. februar 1997](#). Ekteparet er båe lagt til kvile på [Røssvoll gravplass](#) i Rana.

Peder Andreas ^{A43} **Eide** døydd [6. mars 1968](#). Under same gravstein på [Nevernes gravplass](#) finn vi òg [Reidun Eide](#) f 11. juli 1916, død [26. april 2009](#).

Otto Andreas ^{A7} (**Eide**) bur berre ein båtturn unna ho som vert ektemaken hans. Ho heiter **Borghild Idette Augusta Johansdtr** og er f på [Våg i Sømna](#) 3. april-, 1886, dpt i [Sømna krk.](#) [7. juni 1886](#) [#19], konf [15. september 1901](#) [#15]. Inderstparet **Johan Johansen** og **Anna Isaksdtr** er foreldra hennar. [FT1900](#) fortel at dei driv landhandel på Flodstrand gnr. 36/14 i Sømna.

Borghild og **Otto** vert ektefolk [9. oktober 1906](#) [#9] og bryllaupet er i Sømna kyrkje. Ved [FT1910](#) bur familien på [Vaag gnr. 36/8](#) i Vik herad. Dei har då to born, **Ottar Magnus Pavelius** ^{A71} **Eide** f på Flostrand 8. august-, dpt Sømna krk. [13. oktober 1907](#) [#35], død [15. september 1991](#), gravl Kolvereid kyrkjegard og **Johan Edvin** ^{A72} **Eide** f Våg 10. mars-, dpt Sømna krk. [11. september 1910](#) [#31], konf Kolvereid [12. juli 1925](#). – Sonen **Vilmer Kristian** ^{A73} **Eide** vert f på Våg 20. juni 1911, dpt Sømna krk. [2. januar 1912](#) [#8].

Borghild og **Otto** har så skilt lag. Klokkarboka for Kolvereid syner at fråskild mann **Otto Andreas O Eide**, no «*Anleggsform. Namsos*» [27. august 1921](#) [#8] giftar seg med «*hvj.dtr*» **Signe Konstance Kristiansdtr**. Dei er vigde av «*skrivaren*». Namsos. **Signe Konstance** var f på Skage i Kolvereid 29. august-, dpt [11. november 1894](#) [#17] i [Kolvereid kyrkje](#) og konfirmert same stad [18. juli 1909](#) [#37]. Ho bur ved [FT1910](#) saman med foreldra, **Kristian Henrik Olsen** og **Jette Sofie Isaksdtr**, på [Skage](#) gnr 21/2 i Kolvereid. herad. **Otto Andreas** dør [16. februar 1968](#) medan **Signe Konstance** dør [26. april 1993](#). Båe er gravlagde på Kolvereid kyrkjegard.

Johan Edvin ^{A72} **Eide** dør [27. mai 1993](#). Han kviler på Kolvereid kyrkjegard saman med **Helga Sofie Skaga** f på [Ropernes](#) 15. mai-, dpt [12. september 1915](#) [#21], død [13. mars 1988](#).

«Det står ein friar uti gar'e»

Band frå Nærøy og Bindalen til Aurdal i Valdres

Det fyrste knutepunktet kjem med tilflyttinga av distriktslekjar Jean Marie L'Abée og kona hans, **Christiane Henriette Hellebor Sverdrup**. Ho var f på 'Lougen' i Nærøy prgj. 16/5-, dpt 20/8-1820[#11], konf 14/8-1836[#1]. Foreldra hennar var proprietær Ulrik Fredrik Suhm Sverdrup og Kristiane Henriette Brodkorb.

Christiane Henriette og enkjemannen **Jean Marie** gifta seg «etter Kgl. Bevilling» i Nærøy prgj. 18/3-1843[#3]. Brudgommen var f i Bergen 23/12-1808, dpt i Domkirken i februar 1809[Hside, 3.ovanfrå]. Ved FT1865 er ektefolka registrert på Onstadmarken lno.244^{a,b} i Aurdal sokn. Distrikts-lækjaren dør på Onstadmarken 23/11-1871 [#22] og vert gravl. ved Aurdal kyrkje 1/12 s.å. *Enkefru Christiane Henriette* døydde i Kristiania 17/3-1887 [#5] og vart gravl. ved Aurdal kyrkje 26/3 s.å.

Storebror til **Christiane Henriette**, Søren Dass Brodkorn Sverdrup, g.m. Tina (Anne Methine) Stephansen vert 23/10-1838 foreldre til ei jente. Ho får namnet **Wilhelmine Sophie** i Solstad kyrkje 3/6-1839[#1], konf Solstad krk. 16/6-1854[#2]. Om det er farsystera som har gjort god marknadsføring mellom dei «*kondi-sjonerte*» i Aurdal, eller om Wilhelmine har vore på vitjing i Aurdal – det kjenner eg ikkje til, men – sikkert er at **Wilhelmine Sophie** vert gift 8/9-1859[#1] i Solstad kyrkje med **Petter Bernhard Engelschjøn**, son til sorenskrivaren i Valdres. Han var f 28/5-, dpt i Kristiansand 21/6-1822[#144]. Paret får m.a. dottera **Grethe Andrea**, f 1/9-, dpt i Aurdal kyrkje 10/11-1865[#143]. FT1865 har familien registrert på Sålsåbø og Vinjar, lno. 248^{a,b} i Aurdal sokn.

Grethe Andrea vert 12/10-1891 gift i Trefoldighets krk. Oslo med tremenningen sin, Otto Neumann Sverdrup, f 31/10-1854, dpt Vassås krk. 3/6-1855[#12]. **Otto** døydde ifylgje DISgravminner 2/12-1930 medan **Grethe Andrea** døydde i 1937. Båe kviler på Vestre gravlund.

Ser vi nærane på 1865-teljinga for Sålsåbø og Vinjar syner det seg at «*Konens søster*», **Heloise Sverdrup** òg har tilhald her. Kanskje var ho bodsend for å hjelpe storesystera med barnepass? – Ei ugift jente av god familie vart nok snøgt mål for friarar. **Ola Julson** frå Sofienlund drog det lengste strået, og bryllaup vart halde i Solstad kyrkje 5/1-1868[#1] .



Solstad kyrkje – foto OHF - 29. juni 2010



Frå Fiskerosen – foto OHF - 29. juni 2010

Heloise Margrethe Johanne Sverdrup var f 20/5-1846 i [Fiskerosen](#) i Bindal, dpt i Solstad kyrkje [13/7-1847](#)^[#7], konf [27/7-1862](#)^[#1]. **Ola Julson** var f 11/1-, dpt i Aurdal kyrkje [26/2-1837](#)^[#20] og konf [27/7-1851](#)^[#1]. Foreldra hans var [Jul Olson](#) på [Sofinlund](#) og [Anne Toresdtr](#) frå [Hjellebrøtin](#). Ola er «[Udskiftningsformand](#)» og ved [FT1865](#) busett på Sophienlund lno. 272 i Aurdal sokn. – Ved [FT1900](#) og [FT1910](#) er familien busette på [Haugebirke gnr. 42/8](#) i Valle i Setesdal, der Ola er lensmann. [Ein stubb i bolken frå Aust-Agder](#) vil syne meir om etterslekta deira.

Ola Julson (Ole Lund) døyr på Haugebirke [4/7-1920](#)^[#9] og vert gravl ved Valle krk. 9/7 s.å. Ein [Geni-profil](#) fortel at **Heloise Margrethe** døydde 17/3-1937.

Ei eldre syster til **Christiane Henriette**, ho vi starta stubben med, fekk [19/6-1808](#) [*Vside, nest nedst*] namnet [Heloise Margrethe Schultz](#). *Hr. pastor Bull og Proprietair Dahl* ser til at ho vert gift med [Hr. Otto Knoph](#) – [8/4-1829](#)^[#4] – *i huset efter Bevilling af 18. Febr 1829*. Ekteparet vert foreldre til m.a. **Johanne Fredrikke** f 24/12-1846, dpt [Vassås kyrkje 1/3-1847](#)^[#1], konf [27/7/1862](#)^[#1]. Ho finn seg òg ein Aurdøl som ektemake, [31/8-1869](#)^[#5] vert ho gift i Vassås krk. med *Ungkarl Vagtmester Andreas Frydenlund*. - Han var f 7/4-, dpt i Aurdal krk. [28/5-1834](#)^[#42], konf [9/7-1848](#)^[#2]. Ved [FT1875](#) finn vi familien som vaktmeisterfolk ved «[Distriktsfængslet](#)».

Johanne Fredrikke døydde [18/9-1878](#)^[#24] medan **Andreas** levde fram til [19/12-1913](#)^[#16]. Båe kviler på Aurdal kyrkjegard. Vi finn ein [GENIprofil](#) for ektefolka.



«*Hellan ein dokter i kopp enn ein dokter i bil*», sa han Kolbjørn i Dokken.

Men - ein «[dokter i kopp](#)» hadde knapt vorte opphav til mange av dei ekteskapa vi no har lese om .

Mot nord, mot nord – i fleire steg

I saga om «[Tenestjenta på Male i Hustad](#)» lova eg å koma attende til foreldra og syskena til Barbro – dei flytta til «[Nordlandene](#)» og er notert [innflytta til Bodø landsokn](#) (frå Qvernæs i Romsdalen) 3. mai 1857.

Ola Toreson får [skjøte på Valvig](#), «løbe_no 11, Nyt Matr No 6 af Skyld» 2 Ort, 12 Skill, tinglyst i Salten Sorenskriveri 26. september 1863. Seljar av eidedomen er *Hans Berg Johannesen*. Ved overgang til den «nye Matrikkelen» vert dette gardsnummer 11, bruksnummer 3.

Korleis Ola Toreson har fått kjennskap til at garden Valvik var til sals hadde vore moro å fått kjennskap til – gjetord farta vonleg snøggare langs kysten enn i innlandet.



Vi finn **Ragnhild** og **Ola** busett i Valvik (Valvig) både ved teljingane i [1865](#) og [1875](#). I 1875 er **Sigri Marie**^A (skrive [Serine Marie](#)) registrert saman med **Nils Olsen**. Han er listeført som «Svigersøn». Paret gifta seg i Bodø prgj. [3. desember 1875](#) [# 29]. Nils vart fødd 2. oktober 1838 på Færø i Folda (*Foldens*) prgj. og vart døypt i [Rørstad kyrkje](#) i Sørfold [14. oktober s.å.](#) [#75]. Her vart han òg [konfirmert 20. juli 1856](#) [#11]. Foreldra hans, seier kyrkjeboka, heiter *Ole Pedersen* og *Anne Jensdtr*. Nils finn vi på Eidet løpenr. 218a i «Kjerringø» sokn i «Folden prestegjeld» ved [teljing 1865](#). Han er då ugift tenestdrenge, medan «Hans søn» **Johan H** Nilsen er registrert same stad – med merknad «Faren betaler for ham». Kyrkjeboka for Rørstad i Folda fortel at guten **Johan Hagerup** vart [døypt 20. mai 1861](#) [#29]. Han var fødd 2. oktober 1860. «Forældrenes fulde navne, borgerlige stilling og Opholdsted» er konen *Maren Rasmusdatter Færø* og ungkarl *Nils Olsen Færø*. Johan Hagerup vert [konfirmert i Rørstad krk. 18. juli 1875](#) [# 24] og [nemnd i 1875 teljinga](#) som tjenestekarl – busett på Vasvik i Folda.

Ragnhild Knutsdtr døyr [26. desember 1880](#) [#16] og vert gravlagt i Bodø Landsokn 5. januar 1881. Jordfesting er 10. januar. Vel tre år seinare får ho fylgje av ektemannen **Ola Torson**. Han døyr 13. mai 1884 og vert lagt til kvile i Bodø landsokn [25. mai s.å.](#) [#11].

Eldste sonen, **Knut Olson**, får [25. oktober 1887 skjøte](#) frå «Ole Thoresen Skarsæts arvinger» (m.a.o syskena sine) på *Valvik gnr. 22/3* for kr. 600. Skjøta er tinglyst ved Salten Sorenskriveri same dag. Han er i [1865](#) registrert på Valvig i Nordstranden teljekrins, Børø landsokn. Ved [teljing 1875](#) er notert at han «Hjælper Faderen». Ser ein på alderen til foreldra, er det vel truleg at mykje ansvar for gardsdrifta fall på han.

Knut Olson vart [3. oktober 1878](#) [#31] gift med **Sofie Johanne Monsdtr** frå Sørfold. Ho var f 10. september 1841 på [Espenes](#) og [døypt i Rørstad kyrkje 19. september s.å.](#) [#71]. Kyrkjeboka fortel at foreldra hennar heitte *Mons Hansen* og *Karen Andreasdtr*. **Sofie** sto til [konfirmasjon 31. juli 1859](#) [#42] i [Rørstad kyrkje](#). Ved [teljing 1865](#) finn vi «Tjenestepige» Sofie Johanne på Espenes nordre løpenr. 125 i Rørstad sokn, [ti år seinare](#) er ho registrert som «*Tyende og Kokpige*» hjå familien Bernhoft på [Bodøgaard](#), løpenr. 65 i Bodø landdistrikt.

Sofie Johanne og **Knut** vert foreldre til borna: 1) **Kaja Mathilde** f 17. november 1878, [dpt 2. juni 1879](#) [# 16], [konfirmert 30. juni 1893](#) [# 42]. 2) **Randor Olai** f 20. mai 1882, [dpt 16. juli s.å.](#) [#113], [død 4. august 1888](#) [#18], gravl. 9. august s.å. 3) **Tora Oline Johanna** f 8. desember 1884, [dpt 6. juli 1885](#) [#35], [konfirmert 29. juli 1900](#) [#9]. 4) **Søren Kaurin** f 11. januar 1888, [dpt 1. juli s.å.](#) [#35], [konfirmert 5. juni 1903](#) [#11]. Familien er registrert i Valvik ved teljingane i 1891 [[Husliste](#), [Personskjema fom. tom.](#)] og i 1900.

Knut Olson vert enkjemann då **Sofie Johanne** [døyr 9. juni 1901](#) [#7]. Gravferda hennar er 15. juni s.å. Nokre år etter ser det ut for at Knut Olson har hamna i økonomisk uføre. Her er nemnt ein «[Exekution](#)» tgl. 15. mai 1906 og pantsetjing av eit hus i Gjertosen tgl 7. januar 1908. [1. mai 1908](#) får ei *Martha Teigen* «[Auktionsskjøte](#)» på gardsnr. 22/3 i Valvik – «Solgt for [Hypotekbankgjelden](#)» - er det skrive i merknadsrubrikken.

Ved [folketeljinga 1910](#) finn vi **Knut Olson** med son **Søren** og døtrene **Kaia** og **Tora** på plassen *Jersosen* under gnr. 22/3 i nordre Norstrand teljekrins i Bodin herad.

Kaja Mathilde 1) [døyr 22. mai 1916](#) [# 11] og vert gravl./jordfesta 27. mai s.å. - «Enkem. strds» ([Strandsitjar](#)) **Knut Olson** [døyr 16. november 1921 i Valvik](#) [#23]. Gravferd og jordfesting er er veke seinare. Kyrkjeboka for Bodin fortel at Knut var fødd i «*Søndre Aurdal Valdres*», ein såpass liten feil - kan snøgt tilgjevast

Tora Oline Johanna (3) er truleg den av borna som tek seg av far sin på hans eldre dagar. Ho gifter seg, vel 38 år gamal, med **Johan Karl Hansen** [1. september 1923](#)^[#18]. **Johan Karl** kom vil verda 22. januar 1890 på [Mjelle i Bodin prgj.](#) og vart [døpt 8. juni s.å.](#)^[#33]. Foreldra hans heiter *Hans Peter Kornelius Johansen* og *Anna Davidsdtr.* Både [FT1900](#) og [FT1910](#) fortel at *Anna* er fødd i 1849 i Voss prgj., Søndre Bergenhus Amt. **Tora** og **Johan** får sonen **Kaare Sofus**, f 18. november 1923, dpt i Bodin prgj. [6. juli 1924](#)^[#17]. DIS –gravminner fortel at han dør [26. mars 1987](#) og er gravlagd 1. april s.å. i Bodin prgj. - **Tora Oline**(*Eline*) [dør 11. mars 1930](#)^[#5] og vert lagt til kvile 19. mars s.å. ([DIS-gravminner](#))

Den yngste sonen til Knut og Sofie Johanne, **Søren Kaurin** (4), finn vi som brudgom i [Vadsø 18. november 1927](#)^[#10]. Brura heiter **Lea Alvilde Johansen**, f 7. september, [dpt 1. mai 1898](#)^[#3] i Hammerfest og [konfirmert 1. desember 1912](#) i Vadsø^[#23]. Ho er dotter til «sømand» *Karl Mikel Johansen* og *Brita Johanne Kivijervi*. Vi finn **Lea** i Hammerfest ved [FT1900](#), i [FT1910](#) er adressa Elve-bakgate 275 i Hammerfest kjøpstad. Hå «DIS-Gravminner» finn ein at **Søren Kaurin** [døydde 28. mai 1952](#) og vart gravl. 3. juni s.å., medan **Lea Alvilde** er registrert med [dødsdato 29. mai 1881](#) og gravl. 5. juni 1981. Båe ektefolka kviler på kyrkjegarden i Vadsø. – Ei [nettside på «My Heritage»](#) her ei oversikt over denne familien.

Når det gjeld **Sigrid Maria**^A og **Nils Olson** (Færøy) er dei ved FT1891 busett i Prof. Schyttes gt., matr. no 118 i Bodø kjøpstad.. [[Husliste](#) – Personskjema: [Nils](#), [Sigrid](#)]. Dei vert foreldre til **Robertine Amalia**^{A1} f 21. august 1876, [dpt Bodø prgj. 24. september s.å.](#)^[#154] og [konfirmert i Bodø\(Byen\) 9. april 1893](#)^[#23]. Ho er både i [1891](#), [1900](#) og [1910](#) registrert i Schyttes gt. i Bodø by. Ho [dør 5. desember 1916](#)^[#28] og vert gravl./jordfesta 13. desember s.å. Kyrkjeboka fortel at ho er «opholdt av brødrene». Ho er òg registrert hjå [DIS-Gravminner](#). **Olaf Randor**^{A2} vert f 9. juni 1881, [dpt 28. august s.å. i Bodø](#)^[#134] og [konfirmert i Bodø\(Byen\) 12. april 1896](#)^[#6]. Som storesystera er han busett i Schyttes gt. ved teljingane [1891](#), [1900](#) og [1910](#). Veslebroren **Nicolai Malfred**^{A3} kjem til verda 26. juni 1885 og vert [døpt i Bodø bysokn 1. november s.å.](#)^[#54]. Han vert [konfirmert i Bodø bysokn 13. august 1899](#)^[#81].Tilliks med syskena er han registrert i [professor Schyttes gate](#) i [FT1891](#), [1900](#) og [1910](#).

Sigrid Maria^A [dør 13. juli 1896](#)^[#19] og vert gravlagt i Bodø prgj. 18. juli s.å. Ektemannen **Nils Olson** er ved [FT1900](#) nemnd enkjemann og fiskar. Han [dør 15. april 1904](#)^[#5]. Gravferd er ei veke seinare, 22. april, i Bodø bysokn.



Bodø Domkyrkje – 27. februar 2011 (OHF)

Smeddottera og son til nessekongen Det kan løne seg å få prioritet på smedarbeid !

Valdris- og Hallingblod vert blanda – også i Lofoten !

Denne saga lyt få ta til med eit sprang i tid og stad!

I september og oktober 2003 var eg på min [fyrste tur i USA](#). 17. oktober var eg med ein slektning som leita etter kvar bestemor hans på farsida vaks opp. (Homestead) – Ved teljinga i 1880 var familien registrert i Gilchrist Township, Pope Co. [[reg#51547-51553](#)].

Foreldra til jenta synte seg å vera Vangsgjeldingar, **Andris Endreson** f 30. oktober, [dpt 23. november s.å.#93](#), [konf 22. juni 1851\[#30\]](#), og **Guri Syversdtr** f 22. desember 1837, [dpt 28. februar 1838\[#14\]](#), [konfirmert 20. juni 1852\[#13\]](#). Ho reiser med skipet «Nordcap» frå Bergen [24. april 1867](#) [#342] og kjem til Quebec 9. juni. Familiane er omtala i «*Gardar og slekter i Vang*» band B på sidene [124](#) og [501](#). (Eg lyt leggje til at dette er ikkje mi slekt ...)

Andris Endreson var son til [Andre Knutson](#) og [Åste Eriksdtr](#). **Åste Eriksdtr** vart [dpt 23. mars 1806](#) [H side, 2. nedanfrå]. Ho fekk ein yngre bror, **Nils Erikson**, f 21. desember 1812, [dpt 2. juledag s.å.](#) [H side, nedst]. «*Gardar og slekter i Vang*» band B fortel på [side 439](#) at **Nils Erikson** kom i smedlære i Bergen.



Gilchrist Twp., Pope Co., MN

Bergen vart nok berre ein “mellomstasjon” for **Nils Erikson**, [4. juledag 1841\[#10\]](#) står han brudgom i Buksnes prgj. i Lofoten prosti. Brura er ‘Pigen’ **Guren Sophie Nielsdatter Pætvig**, ho er notert å vera 23 år gamal. Diverre har det vore ‘Prestegardsbrann’ ([sjå soknehistorikk](#)) og det er store «hol» [[Lakuner](#)] i dei tidlegare kyrkjebøkene, så nokon dåp eller konfirmasjon har eg hittil ikkje greidd å finne for henne. Ved giftarmålet er Nils skriven «Ungkarl og [Inderst Niels Eriksen Pætvigen](#)».

Guren Sophie og **Nils Erikson** får ein stor barneflokk. **Edvard Martines**^{A1} f 3. desember 1842, [dpt 17. april s.å.#6](#), [konfirmert 3. juli 1859\[#10\]](#). **Nils Christian**^{A2} f på [Sandsund](#) 25. august 1844, [dpt 13. oktober s.å.#13](#), [konf 1. juli 1860\[#10\]](#). **Johan Marthinus**^{A3} f 22. november 1846, [dpt 3. januar 1847\[#1\]](#), [konf 29. juni 1862\[#6\]](#). **Marie Olava**^{A4} f 4. oktober 1849, [dpt 13. januar 1850\[#2\]](#), [konf 17. juli 1864\[#15\]](#). **Christine Henrike**^{A5} f 22. september 1851, [dpt 23. november s.å.#35](#), [konf 29. september 1867\[#4\]](#). **Emilie Christine**^{A6} f 4. august 1855, [konf 4. september 1870\[#12\]](#). **Hanna Nicoline**^{A7} f 28. mai 1858, [dpt 11. juli s.å.#48](#). **Albert Lind**^{A8} f 20. desember 1860, [dpt 26. mai 1861\[#12\]](#), [konfirmert 16. juli 1876\[#25\]](#).

Ved [teljinga 1865](#) bur familien på [Sandsund](#) i 3. teljekrins i [Buksnæs prestegjeld](#). **Nils** er her nemnd med fødestad Bergen, noko vi veit er urett. Elles er han «*Husmand med jord, smed og fisker*», opplysningar som er mindre tvil om. Sonen **Edevar**^{A1} «*Hjælper Faderen med Fiskeriet*» medan sonen **Niels**^{A2} er «*Tjenæstekarl Smed*». I [FT1875](#) er familien også registrert på [Sandsund lno.131a](#). Her er **Nils** nemnd som «Husmand med jord og Smed». **Guren Sofie** [døyr 1. januar 1877](#) på [Sandsund](#) [#1], og vert gravlagd 21. januar same år. **Nils Erikson** er ved [FT1891](#) å finna i husstanden til svigersonen **Nikolai Krants Jensen** på [Sandsund](#). Han er no notert som «*Svigerfader, driver Smedarbeide, født 1812 i Vangs Præstegjeld i Valdres*». Smeden frå Vang seier farvel til «det jordiske liv» [5. september 1900](#) [u.nr.], og vert lagt til kvile 16. september s.å. – Fødd 1812-11-21 står det i Hol kyrkjebok.

I tiåret mellom folketeljingane 1865 og 1875 har dei 3 eldste gutane funne seg ektemakar. **Edvard Martines**^{A1} no nemnd som «*Ungkar og skrædder*», gifta seg [29. juli 1870](#) [#8] med **Bergitte Amalie Mathiasdtr** Horn. Ho var f 5. mai 1851 på [Horn i Buksnes prgj.](#), [dpt 29. juni s.å.](#) [#13] og [konfirmert 16. juni 1866](#) [#32]. Ved [teljinga](#) bur dei på Horn, løpenr. 8 i Buksnes saman med dottera **Henriette Marie**^{A11} f 6. mars 1871 på [Sandsund](#), [dpt 20. mai s.å.#16](#). Dei fekk òg sonen **Ragnvald Johan**^{A12} f på Horn 16. januar 1874, [dpt 24. mai s.å](#) [#23], [død 27. desember 1874](#) [#77], notert gravlagd 16. mai 1875. Etter dette har eg ikkje greidd å finne meir om denne familien. Har dei emigrert ?

Marie Olava^{A4} vart [25. juli 1873](#) [#17] gift med **Olaus Elisen Larson** f 28. desember 1843 på [Reppe](#), [dpt 14. januar 1844](#) [#1] i [Hol kyrkje](#) og [konfirmert 1. juli 1860](#) [#11]. Han er ved [teljing 1865](#) nemnd saman med sysken og foreldre; **Lars Olson** og **Elen Marie Olsdtr**, på [Rep nordre i Buksnæs prgj.](#) Ved [1875teljinga](#) er **Marie Olava**^{A4} og **Olaus** registrert på [Reppe sørparten nordre](#) [#008 & 009] saman med

foreldra og syskena til Olaus - og sine eigne born, sonen **Lauritz Nikolai**^{A41} f 23. februar 1874, [dpt 25. mai s.å.\[#31\]](#), samt dottera **Emilie Gurine**^{A42} f i mai 1875, [dpt 16. juni s.å.\[#36\]](#).

Fram til neste folketeljing ser det ut til at barneflokket har auka. **Ole Martin Skjønning**^{A43} f på Reppe 15. desember 1876, [dpt 29. april 1877\[# 12\]](#), [konf 12. juni 1892\[#22\]](#). **Anna Eline**^{A44} f 29. januar 1879, [dpt 1. juni s.å.\[#23\]](#), [konf 23. juli 1893\[#14\]](#). **Johan Lind**^{A45} f 9. mars 1881, [dpt 8. mai s.å.\[#17\]](#), [konf Buksnes 31. mai 1896\[#13\]](#). **Lise Gunhilde**^{A46} f 2. juni 1883, [dpt 19. august s.å.\[#94\]](#), [konf 16. juli 1889\[#18\]](#). **Petrine Linvig**^{A47} f 25. juli 1885, [dpt 4. oktober s.å.\[#159\]](#), [konf 30. juni 1901\[#25\]](#). **Peder Martin**^{A48} f 8. februar 1888, [dpt 18. juni s.å.\[#20\]](#), [konf 6. juli 1903\[#27\]](#). **Nils Schønning**^{A49} f 27. januar 1890, [dpt 27. april s.å.\[#9\]](#), [konf 12. juni 1905\[#41\]](#). Familien er i 1891 registrert i teljeksins 3, «Udbygden», på [løpenr. 67a](#) (Reppe) – [Husliste#83](#). (Personsedlar [f.o.m.](#) – [t.o.m.](#)) Mor til **Olaus**, **Elen Marie Olsdtr** f 1814 er registrert saman med dei. Det same er «ensligt losjerende» Henning Margrelius Johannesen, ug. Fiskar og jordarbeidar, f 1859 i Borge prgj. i Lofoten.

Ved [FT1900](#) finn vi foreldra og dei 6 yngste borna på Reppe søndre gnr. 30/1 i Buksnes. Føderadsenke **ElenMarie Olsdtr** er framleis del av husstanden. No er **Lauritz Nikolai**^{A41} skriven ugift stuert på [Skonnertribiggen](#) «Consuelo» som ligg i britisk hamn. **Emilie Gurine**^{A42} gifta seg [8. juli 1898\[#6\]](#) med **Jakob Dahl Johanneson**. Dei er i 1900 busett på [Skulbru gnr. 39/10](#) i Buksnes saman med døtrene **Maren Gunhilde**^{A421} f 4. oktober 1898, [dpt 1. januar 1899\[#2\]](#), [konf 10. mai 1914\[#61\]](#) og **Dagny**^{A422} f 14. november 1900, [dpt 1. januar 1901\[#1\]](#), [konf 21. mai 1916\[#30\]](#). **Ole Martin Skjønning**^{A43} gjekk [29. april 1896\[#13\]](#) i ekteskap med **Elise Frantzese Jensdtr**, f [12. april 1873\[#44\]](#) på Farstad i Buksnes. I [FT1900](#) er dei registrert på Tundene under gnr. 15/7, [FT1910](#) har dei plassert på Punnan, plass under Gjerstad gnr 15/7 i Buksnes. [FT1910 for Reppe søndre](#) gnr. 30/1 syner **Marie**^{A4} og **Olaus** saman med sønene **Johan**^{A45}, **Peder**^{A48} og **Nils**^{A49} same pleiedotter *Marie Hansen*, tenestjente *Lise Jakobsen* og *Husbestyrerinde Petrine Larsen*. Kyrkjeboka for Buksnes fortel at **Kaarmand Olaus Eliesen Larsen** [døydde 26. januar 1922\[#2\]](#).

Det tredje «svigerbarnet» til ‘smeden i Sandsund’ kjem ikkje frå Lofoten. **Guri Kittelsdotter**^{AX1} vart f 7. september 1849 på Vestgaarden i Fosnæs prgj. i Nord-Trøndelag og [døypt 10. november 1850\[#0\]](#) i [Kolvereid kyrkje](#). Her vart ho òg [konfirmert 26. juni 1865\[#11\]](#). Foreldre er **Kittel(Kjeld) Nilson**^{#54} og **Astrid Knutsdtr**^{#15}, g [12. april 1839\[#11\]](#). Foreldra er Hallingar. Dei er i 1865 hus-mannsfolk på [Korsnæsøren](#). Ved [FT1865](#) er Guri skriven som «Tjenestepige» hjå «Madam Dahl» på [Korsnes](#), løpenr. 218 i Foldereid sokn, Kolvereid prgj. [Ho melder innflytting\[#5\]](#) «for at tjene» ‘vaaren’ 1872 frå Kolvereid til Buksnes prgj. [18. april 1875\[#7\]](#) vert ho gift med **Johan Martinus**^{A3} Nilsson. Då hadde dei alt vorte foreldre til **Sofie Petrine**^{A31} f på Sandsund 29. mars 1875 og [dpt dagen etter \[#23\]](#). Familien bur ved [FT1875\[#008-010\]](#) på Sandsund, løpenr 131a, saman med foreldra og dei ugifte syskena til *Johan Martinus*. Bror til *Guri*, fiskar **Knut Kittelsen**^{#19} er skriven som «midlertidig busett». **Aagot Klarine Schønning**^{A32} vert f 3. mars 1879, [dpt 27. april s.å.\[#12\]](#), [konf 1. juni 1894\[#7\]](#). Ho er i 1891 pleiedotter hjå farsystera **Kristine**^{A5} og Nikolai Krantz Jensen i Sandsund. **Nils Johan Greger**^{A33} f 1. juli 1881, [dpt 31. juli s.å.\[#79\]](#). Dottera **Kristine Emilie**^{A34} vert f [17. mars 1886\[#20\]](#) og [konfirmert i Hol krk 30. juni 1901\[#7\]](#) (*Kyrkjeboka for Hol 1886-1890 har diverre ikkje med dåpsdato og faddernamn*). **Guri Kittelsdtr**^{AX1} døyr på Sandsund [6. august 1886\[#12\]](#).

Johan Martinus^{A3} giftar seg oppatt [9. januar 1890\[#1\]](#) med enkja **Olette Kristine Margretha Pedersen** f 1854. Ho hadde tidlegare vore g.m. Enok Danielsen. Det er ikkje lett å finne dåp og konfirmasjon frå klokkebøkene i Buksnes, men ei *Berthe Christine Margrethe*, dotter til «grdbr. Peter Olsen og Othilie» vert konfirmert, 15½ år gamal [10. oktober 1869\[#4\]](#). [FT1865](#) for «[Kvalvigen](#)» har registrert inderstparet **Petter Olsen** og **Christianna Johannesdtr** saman med dottera **Olettha Pettersdtr**. Kan dette vera feilskrivingar for Olette Kristine ?

1891teljinga fortel at **Olette** og **Johan Martinus** har tilhald på [løpenr 131a1](#), sjå [Husliste#87](#). Saman med dei bur sonen frå Johan sitt fyrste ekteskap, **Nils Johan Greger**^{A33} og fellesbarnet, ei udøypt dotter (fødd oktober 1890). Kyrkjeboka fortel at jenta var [fødd 9. oktober\[#6\]](#) og fekk namnet **Olga Emilie**^{A35}. Ho [døyr 27. desember 1891\[u.nr.\]](#). **Olette** har med 5 born inn i det nye ekteskapet. **Inga Mathilde**, **Peder Johan**, **Anna Emelie**, **Margrethe Amalie** og **Enevald Bernhof**. Så vidt inne i eit nytt hundreår er familien nemnd som husmannsfolk på [Bakken under gnr 64/1 i Buksnes](#). På gnr 64/8 er dei registrert som husmannsfolk i [FT1910](#). **Nils Johan**^{A33} er i [FT1900](#) kalla *Sørensen*, noko som må vera feil. Sidan [FT1891](#) er det kome 2 nye born til heimen: ei ny **Olga Emilie**^{A36} f [11. mars 1893\[u.nr.\]](#), [konfirmert 12. juli 1908\[#94\]](#) og finst som tenestjente i [Petvik gnr 64/4](#) ved [FT1910](#). Siste høne i korga er **Dagny Marie**^{A37} f [20. november 1895\[#00\]](#), [konf 12. juni 1910\[#27\]](#). Ved [FT1910](#) er ho tenestjente hjå Ole og Berntine Johansen på [Petvik gnr 64/1 i Buksnes herad](#).

Kyrkjeboka fortel at **Johan Martinus**^{A3} [døyr 26. juli 1914\[#11\]](#) i [Petvik](#) og vert gravlagd 4. august s.å. på [Petvik gravplass](#). Han fekk så vidt oppleva at dottera **Olga Emilie**^{A36} gifta seg, 18. januar 1914

med **Ragnvald Dahl**, f 5. april 1889 frå Vågan på Austvågøya. Dei hadde tidlegare, 11. desember 1812 fått sonen **Oddmund Hilmar Johan**, dpt 20. juli 1913[# 7]. Han får ei syster, **Ragnhild Olga** f 18. juni 1913, dpt 16. august s.å.[#28].

Nils Christian Nilson^{A2} finn seg ektemake i Salten. 26. september 1878[#30] gifter han seg i Bodø prgj. med **Anna Sofia Kristiansdtr**^{AX2} f 17. mars 1857 på *Fendshaugen (Finnshaugen?)* i Bodø prgj., dpt 1. juli s.å.[#30] i Bødø og konfirmert same stad 8. september 1872[#5]. Ho er dotter til husmann *Christian Olsen* og kona *Johanna Christensdtr*. Det er truleg ho som er registrert på som fosterdotter på Qvalvaag i Bodø ved FT1865 (*tru om forstemora er moster hennar?*) – ved konfirmasjon er opphaldstad **Mørkved Kvalvaag**.

Dersom ein tek ein tur innom panteregisteret for lno. 155, Godøen i Bodø landsogn tinglag, finn ein på folio 179 innført ei «kjøbekontrakt mellom *Salomon Salamonsen Odden* og **Nils M Nilson Sandsund** om denne Gaard for Kr 4000,00 datert 7 August, thingl15 August 1878. Frå salget er und-taget 'Nedreholmen'». **Gardsmatrikkelen for 1886** for gnr. 75, Godøen i Nordland fylke fortel at Nils Nilsen då er eiger både av bruksnummer 3 og 4. Hjø «Skog og landskap» finn ein berre bruksnr. 4 registrert.

Barneflokken deira teljer desse: **NoraMarie**^{A21} f 20. april 1879 på **Godøy** i Bodin, dpt 8. juni 1879[#68], konf. 30. juli 1893 [#12] i Bodø landsokn. **Godfred Elias**^{A22} f på Godøy 19. februar 1881, dpt 25. juni 1881[#44]. **Ludvig Aleksander**^{A23} f Godøy 31. mars 1883, dpt 24. juni s.å.[#93], konfirmert i Bodin 26. juni 1898 [#18]. **Ingvald Johan**^{A24} f Godøy 25. januar 1885, dpt 3. mai s.å.[#9], konf Bodin 20. juli 1900[#56]. **Hilda Josefine**^{A25} f Godøy 29. juni 1886, dpt 1. november s.å. [#54], konfirmert Bodin 4. august 1901[#8]. **Ragna Dorothea**^{A26} f Godøy 25. august 1888, dpt Bodø landsokn 14. oktober s.å.[#53], konf **Straumen krk.** 5. juli 1903[#4]. **Valborg Sjuleika**^{A27} er, som namnet seier, det sjuande barnet i flokken, f Godøy 16. juni 1890 og dpt 7. september s.å.[#51], konfirmert **Straumen** 1. juli 1906[#10]. Så kjem **Petra Bergljote**^{A28} f 25. mars 1892. dpt 6. juni s.å.[#29], konf **Straumen** 30. juni 1907[#6]. **Einar Kaurin**^{A29} f Godøy 19. februar 1894, dpt **Straumen** 10. juni s.å.[#10] og konf **Straumen** 27. september 1909[#4]. **Arne Nikolai Tideman**^{A2A} vert «tiandemann» i barneflokket, f Godøy 25. februar 1897, døypt **Straumen** 9. mai s.å.[#4], død **Godøy** 25. juli 1903[#12] og gravlagd Bodin 2. august s.å.

Ved teljinga 1891 er familien (foreldra og dei 7 eldste borna) registrert i teljekrins 5, Knaplund og Strømmen – med **Løpenr. 55**, **Husliste 6**, Personskjema frå **nr. 1** til **nr. 11**. Her finn vi òg yngste bror til *Nils Christian*^{A2}, **Albert Lind**^{A8} registrert saman med **kone** og **dotter**. Dei er notert som «**Besøgende**». Ni år seinare har teljaren **registrert familien**, bortsett frå dottera **Ragna**^{A26}, på Godøen gnr. 75/3 i Bodin.

Nils Christian Nilson^{A2} dør 27. mars 1917[#4] på Godøy i Bodin og vert lagt til kvile ved **Saltstraumen kyrkje** 5. april same år. DIS-gravminner fortel at **Anna Sofia** døydde 18. august 1930 og gravlagd 24. august s.å.

No får vi sjå nærare på ho som er opphav til tittelen på dette stykket, **Emilie Christine**^{A6}. Ho er brur 16. september 1879[#27], brudgom er **Ludvig Ingebarin Jentoft** f 13. mars 1856 i **Petvik**, Vestvågøy, konfirmert 4. august 1872[#5] i Buksnes prgj. Ved FT1865 og 1875 er han registrert på **Petvigen**, løpenr 131 i Buksnes prgj. Foreldre er *Hartvig Jentoft* og *Ingeborg Marie Schjøning* f i Lødingen, konfirmert **Olsokdagen 1832**[#2]. Så vidt ein kan sjå av **Buksnes bygdebok** («**Petvik, gårdsnr 64**»), er Jentoftfamilien det ein kan karakterisere som «**Nessekongar**» i området. Ved FT1900 er **Ludvig** nemnd som «**Væreier**» i **Petvik**

Det er heller ingen liten ungeflokk **Emilie** og **Ludvig** etter kvart får. Fyrst ute er dottera **Ida Sofie**^{A61} f 20. mars 1880, dpt 23. mai s.å.[#53], konfirmert i **Hol krk** 7. juni 1895[#7]. Så kjem **Hilmer Amandus**^{A62} f 21. desember 1881, dpt 5. mai 1882[#16], konf i **Hol krk** 13. juni 1897[#17]. **Nora Olette**^{A63} vert f 26. november 1883 og dpt 13. april 1884[#15], konf i Buksnes krk. 16. juli 1899[#42]. Neste jente ut er **Laura Emilie**^{A64} f 22. juni 1885 [#98], død same dag [#46] og gravl 30. juni s.å. – **Ragna Marie**^{A65} vert f 3. mars 1887, konfirmert 20. juli 1902[#62]. **Ludolf**^{A66} f 15. oktober 1889, konfirmert 16. juli 1905[#22]. **Einar Johan**^{A67} f 14. november 1891[#2], konf 14. juli 1907[#20]. **Anny Fransiska**^{A68} f 30. september 1894[#42], konfirmert 13. juni 1909[#60]. **Aksel**^{A69} f 13. januar 1897[#20], konfirmert i **Hol krk** 9. juni 1912[#32] og til sist **Halvdan**^{A6A} f 9. desember 1899, dpt 17. juni 1900[#5], konfirmert **Hol krk** 2. august 1915[#22].

I FT1891 er familien, foreldra og dei 5 eldste borna, registrert på «**Løbenr**» 131a1 **Pætvigen**, **Husliste nr.88** – Personskjema f.o.m#1 t.o.m.#7. Husfar og «eier av fiskevær», **Ludvig**, er fråverande i Ofoten. Attåt desse finn vi far til **Ludvig**, «kaarmand» **Hartvig Jentoft**, bror til **Ludvig**, **Hagbart Jentoft**, tenestjenta **Janette Johannesen** frå Bodø og pleiedottera **Gunhild Gurine Johansdtr Lind**. Pensjonert fyrvoktar **Andreas Mekal Angel** f 1814 i Vågan, kona hans **Fransiska Kristianne Schjøning** f 1814 og tenestjenta deira, **Inger Kristine Johansen** f 1872 i Stamnes, Alstahaug prgj. på **Helgeland** er og busett i

Petvik. – Ved [FT1900](#) finn vi familien, med unntak av eldstejenta **Ida Sofie**^{A61}, registrert i Petvik gnr. 64/1 i Buksnes herad. **Ida Sofie**^{A61} finn vi no som tenestjente på Lilleøen gnr. 18/1 i Vågan herad.

På Solvoll, gnr 64/4 i Buksnes, er familien [registrert ved FT1910](#).

Emilie Christine^{A6} [døyr 23. juni 1921](#)^[#8] på Solvoll ([DISgravminner](#)). Ved gravferda, 2. juli, fortel merknadsrubrikken i kyrkjeboka at «*Pastor Bang forrættet*». Ektemannen, **Ludvig Ingebarin** [døyr 28. mai 1941](#) og vert gravlagd 5. juni s.å. – Barnebarnet til Emilie fortalde under ei telefonsamtale at Emilie var ei ven og staseleg kvinne. «*De lurte jo på at Væreiarn ville gifte bort sønn sin med dattera til smedemen Væreiarn va lur, hainn. Hainn visste jo at da ville han få prioritet på smedarbeid – åsså var ho jo så pen !*»

Christine Henrikke^{A5} vert [25. september 1876](#)^[#16] gift med **Nikolai Krantz Jensen**. Han er f 9. august 1843 og [dpt 8. oktober s.å.](#)^[#25] i Buksnes prgj. Han vert [konfirmert 1. juli 1860](#)^[#6]. Ved [FT1865](#) er han registrert på Rep nordre, løpenr.69 i Buksnes, saman med foreldra *Jens C Ediasen* og *Inger Johannesdtr*, f i [Borge prgj.](#) samt 5 yngre sysken. I [FT1875](#) er han notert på Rep nordre%ørparten% - han er då «*Fisker og Dagarbeider i Aannetider*». Kyrkjebøkene fortel om desse borna: **Gunvald Nikæus**^{A51} f 6. april-, [dpt 15/7/1877](#)^[#61], [død 21. januar 1884](#)^[#6]. **Inga Olette**^{A52} f 9. desember 1878, [dpt 27. april 1879](#)^[#11], [død 12. januar 1884](#)^[#4]. **Johan Olai**^{A53} f 7. oktober 1880, [dpt 28. november s.å.](#)^[#154], [død 15. januar 1884](#)^[#5]. **Nils Kristian**^{A54} f 20. juli 1882, [dpt 27. august s.å.](#)^[#121], [død 11. januar 1884](#)^[#3]. **Gunvald Johan**^{A55} f 12. desember 1884, [dpt 5. april 1885](#)^[#20], [konf 10. juni 1900](#)^[u.nr.], **Inga Nikoline**^{A56} f 30. desember 1886, [dpt 1887](#) ^[#3], [konf 20. juli 1902](#)^[#31] og **Nora Kristine**^{A57} f 20.mars 1892, [dpt 5. juni s.å.](#)^[#8], [konfirmert 14. juli 1907](#)^[#49]. Familien ser ut til å ha vorte råka av ein tragedie rett etter nyår 1884. Dei misser i løpet av ti dagar dei fire eldste borna grunna «[Halsesyge](#)». Dei er alle notert gravlagde 27. januar.

Teljinga i 1891 fortel at **Nikolai** og **Kristine** er husmannsfolk på [Sandsund, løpenr 131a.](#) ([Husliste#105](#)). I husstanden finn ein elles dei to yngste borna, samt pleiedottera **Ågot Klarine Schønning Johansdtr**^{A32}, svigerfader **Nils Eriksen** (driver Smedarbeid) og **Hanna Nikoline Nilsdtr**^{A7} samt **Alfred Gunvald**^{A71}, nemnd som «*søn til Husmandens søster*». Ni år etter er familien registrert som [husmannsfolk på gnr. 64/1, Sandsund, Ågot](#)^{A32} er registrert som tenestjente, og **Hanna**^{A7} er «Dag-arbeiderske».

Mortsund(plads) under [Sandsund/Petvik gnr 64/9](#) er bustadsadresse for familien også ved [FT1910](#). Då er **Gunvald**^{A51} og **Inga**^{A56} registrert saman med foreldra. **Nora Kristine**^{A57} finn vi i [1910 på Finneset i Kabelvåg](#), Vågan herad. Ho er då elev ved [Nordland Amtsskole](#). Det ser ut til at ho fekk ei dotter, **Gunnor Nikoline**, f 17. mars 1913, [dpt 4. januar 1914](#)^[# 1]. Vi finn **Nora** att i Hobøl, Østfold i 1921. [7. august](#)^[#8] døyper ho og ektemannen, *Magnus Martinus Holstad*, sonen **Einar Arvid**. Kyrkjeboka stadfestar at ho er fødd 1892 i Buksnes. **Magnus Martinus** var f [25. mars 1885](#) på [Kjepperud i Enebakk](#), og er ved [FT1910](#) tenar på Solberg samestads. Paret gifta seg i Enebakk [27. oktober 1917](#)^[#7]. DIS gravminner fortel at **Nora Kristine**^{A57} døyr [6. januar 1964](#) og **Magnus** døyr [22. mai 1969](#). Dei eldste sønene **Arne Ingvald** og **Torbjørn Nikolai** vart f [15. oktober 1919](#) i [Vestre Bærum](#)^[#55] og konfirmert i Tomter krk., Hobøl [30. september 1934](#)^[#4]. To av sønene kviler òg på Tomter kyrkjegard, **Torbjørn Nikolai** døydde [28. januar 1981](#) og **Einar Arvid** [22. desember 1985](#).

Inga Nikoline^{A56} vert gift med **Odin Johan Odinsen** f [28. februar 1886](#)^[#25] i Bårsund, [konfirmert 8. juni 1902](#)^[#20] i Hol krk. Han er son til *Odin Markussen* og *Johanne Pedersdtr*. **Odin Odinsen** er i [1923](#) nemnd som utvalsmedlem i Balstad fiskeoppsynsdistrikt. Dei vert 13. juli 1922 foreldre til jenta **Olga Irene** f på [Brændsholmen](#) 13. juli 1922, [dpt 12. august 1923](#)^[#23]. **Olga Irene** vert gift med seinare statsråd **Eivind Albin Andreas Bolle**, f 13. oktober 1923, [dpt 12/12 s.å](#) ^[#31], [død 10. juni 2012](#). **Olga Irene** [døydde 4. desember 2003](#) på Vestvågøy sjukeheim og vart gravlagt på Petvik gravplass 12. desember s.å.

Albert Lind^{A8} giftar seg i Hol krk. [22. juli 1887](#)^[#5] med **Karianne Andersdtr Haugland**. Ho var f i Kvinnherad i Sunnhordland 12. februar 1861, [dpt 28. mars s.å.](#)^[#29] og [konfirmert i Kvinnherad 3. oktober 1875](#)^[#31]. Foreldre er *Anders Olsen Haugland* og *Lisbet Knutsdtr*. Ved [FT1865](#) er familien nemnde på Haugland, løpenr 321 i [Uskedalen teljekrins](#) i Kvinnherad. **Karianne** og **Albert** får på Sandsund sonen **Gustav Amandus Lind** f [8/12-1887](#)^[#16], døypt i Hol krk. Som vi tidlegare har sett, er familien «*Besøgende*» hjå storebroren på Godøy ved [FT1891](#). Kvartal 22b i Sandgade 2 i Bodø er tilhald for familien ved [FT1900](#). [Ti år seinare](#) bur dei i [Dronningens gt. 5 i Bodø](#). Ved bae teljingane er **Albert** nemnd «*Bryggemand*». Då *bryggeformann Albert Lind Nilsen* døyr, [17. november 1921](#)^[#32] er han skriven med adresse Torvgt. 10 i Bodø. Gravferda er 24. november 1921.

Smeden frå Vang vart, som vi skjønar, opphav til ei talrik slekt !

Ho Anne frå Ukshøvd kom til Steira på Sortland.

«Du kan klappe Stortingsløvene på hovudet
og trygt fortelja at du er skyld opphavsmannen»

Om [marssola skein på frosne fenner](#) – eller om himmelen var fylld av skyer – den 6. mars 1784 – det er noko vi ikkje veit. Om det er sokneprest [Finchenhagen](#) som har notert dåpsinformasjonen i kyrkjeboka – det teier også historia om. - Det vi veit er: det er innført ein dåp i [stavkyrkja i Hegge sokn](#) i Slidre prestegjeld [denne dagen](#)[Vside, 4.nedanfrå]. Ved døypefonten får ei lita jente namnet **Anne**. Foreldra til jenta heiter **Erik Nilsen** og **Marit Knutsdtr**. Faddrane kjem frå [Skammestein](#), [Dale](#), [Beito](#), [Bjellbøle](#) og [Melby](#). Ho er den andre jenta i barneflokken som får *Anne-namnet*. Den fyrste *Anne-jenta* vart døypt nyårsdagen 1778, men døydde berre vel 2 år seinare. **Anne** får etter kvart mange sysken. Kyrkjeboka fortel at foreldra hadde ein ungeflokk på 14 born – av dei var det ein heil «[dusing](#)» som nådde «vaksen alder».

På «Morstad i Hægge Annex» ([Mørstad](#)) finn vi **Anne Eriksdtr**, foreldre og sysken registrert ved [teljinga i 1801](#). Teljinga syner fire ‘sjølveigande’ familiar nemnde med omgrepet «Bonde og Gaardbeoer» samt to husmannsfamiliar registrert på Mørstad. [1 januar 1805](#) [Hside, 3.ovanfrå] vert **Anne** gift med **Gudbrand Knutson**. Paret vart trulova 10. desember året før. **Gudbrand** var fødd ‘uppgiarde’ på Røyne og døypt i Hegge [nyårsdagen](#) 1770 [V side, 5. nedanfrå], så han feira 35-årsdagen minnet frå Heggjiskyrkja på ein original måte. **Gudbrand** er son åt *Knut Tøsteinson* og *Ingri Tøsteinsdtr* ([Tøstein: lokal uttale av mannsnamnet Torstein](#)[Tosten]). Ved [FT1801](#) bur **Gudbrand** og tre ugifte sysken saman med mor si på Røyne. Eldste bror, ‘*Tosten Tostensen*’ og kona Marit Rønjusdtr er no «Husbondsfolk». - Hjø Tore Ey «*Vang o Slire*» er [Mørstad](#) nemnt på [side 679](#) og [Røyne](#) på [side 687](#).

Gudbrand og **Anne** vert foreldre til 9 born. Vi skal i denne stubben fylje sonen **Erik**^{A0}. Han var nummer to i ungeflokken, eldste gut, og såleis [odelshavar](#) til (søre)Mørstad, garddelen som seinare fekk [gnr 12, bnr. 3](#) i Øystre Slidre. Grunnboka fortel at **Erik Gudbrandson**^{A0} overtok Mørstad med skjøte datert 26. februar 1844, [tinglese 5. desember](#) s.å. «Gardar og slekter i Øystre Slidre», band A, fortel på s. 93 at Erik «*var då vel vaksen og vart aldri nokon flink gardbrukar. Best likte han å streife rundt i fjellet, jakte og fiske. Han sleit tungt med økonomien ...*» - Ser vi på kyrkjeboka, fortel denne at **Erik**^{A0} er ein av dei som «*samstundes har to brød i omnen*». **Anne Eriksdotter**^{A1}, *hovudpersonen i denne stubben*, kom til verda 16. september 1829 og vart døypt i Hegge [8. oktober 1829](#)[#49]. Jenta er oppattkalla etter farmor si. Ho er notert fødd «*uægte*». Faddrane kjem frå [Ukshøvd](#), Lié og [Beito](#). Foreldra er skrivne **Erik**^{A0} *Gudbrandsen xxx* og *Gjertrud Olsdtr*. Vel ein månad seinare, 20. oktober 1829 vert **Erik**^{A0} far til ein gut. Mor til guten er **Anne Tomasdatter** (*f 12/8-1807 på Vøle i Hegge sokn*) Erik og Anne rokk ikkje å gifte seg innan sonen vart fødd. Dei tura bryllaup 12. oktober 1830 [#15]. Innførsla då **Gudbrand Erikson**^{B1} vert [døypt 3. juledag 1829](#)[#76] seier at guten er «*Uægte*»- og at det er 2. «*Lejermaal*» for faren og fyrste- for mora. Storesyster til **Erik**^{A0}, **Marit** vert nemnd i stubben «[To karar med lang fartstid ved jernbanen](#)»

Mor til **Anne Eriksdotter**^{A1} heiter *Gjartrud Olsdatter*. Gjartrud vart døypt 19. april 1799[V side, 10. ovanfrå]. Mor hennar, [Gjertrud Olsdtr](#) (1764-1799) døydde berre nokre månader etter at dottera var fødd. Vi finn [den vesle jenta](#), samt besteforeldra([Nils Olson](#) og [Gjartrud Eriksdtr](#))- og far hennar([Ola Nilsson](#)), som husmannsfolk under garden [Hedalen](#) ved teljinga 1801. **Anne Eriksdotter**^{A1} vert konfirmert av ‘[pastor Franzen](#)’ i [stavkyrkja i Lomé](#) 28. april 1844[#21].



stavkyrkja i Lomé

Så slær ei innførsla i ministerialboka i Øystre Slidre for [året 1848](#)[#4] mot oss. Denne syner til «*Attest frå Sognepræsten i Kingservig Koren af 28/5-1847...*» I Ullensvang Ministerialbok er innført [ein dåp av sonen Ole 3. januar 1847](#)[#4]: «*Moderen er efter hendes opgivende pige; 18Aar gammel, Anna Eriksdatter Hedalen af Østre Slidre præstegjæld i Valders, og som fader er af hende angivet ungtkarl Gulbrand Kristoffersen Rudi af same Præstegjæld. Barnet fødtes under Moderens gennemreise igjennem Præstegjældet paa gaarden Kingsevig hos Erik Sebiørnsen hvor... begjærte husly under Julen.*

Kan dette vera [sonen frå Hardanger](#) ??? Ø
[Slidre KB](#): Ifølge skrivelsen er Faderen opgivet af Moderen i Paahør af Konene Mari og Torbjør Krogsvig.



Men korleis reiste Anne?
Sikkert ikkje med Widerøe!

Neste gong eg finn henne **Anne**^{A11} att - er ved [FT1865](#). Ho er då tenestjente på [Haukenæs](#) løpeno. [202.203a&d](#) på Langøya i [Hadsel](#) prgj. i Vesterålen. No har **Anne** fått ein son, **Peder Andreas**^{A11}. Guten kom til verda 22. mars 1861 på [Lekang](#) (Hadseløya) og vart [døyp](#) [26. mai s.å. \(#17\)](#) i [Hadsel kyrkje](#). Faren er skriven «dræng **Peder Nilsen Husby**», mora er nemnd «pige **Anne Eriksd** Lækang fra Valdres».

Stokmarknæs løpeno. 124 er registreringsstaden for **Anne Eriksdotter**^{A11} ved [FT1875](#). Ho er no budeie hjå *Gaardeier, Dampskibsselspeditør mmm, William Dahl Hals. Peder Andreas^{A11} finn vi no som «Fostersøn» hjå gardbrukarparet *Hans Pedersen* [f 16. juli 1842 \(#46\)](#) på [Hasli i Snertingdal](#) og kona *Lava Olsdtr* f i Meldal. Dei bur på [Kringlen](#), løpenr. 85 i Sortland herad. Her har også mor til Hans Pedersen, *Agnete Dagfinnsdtr*, og *Berit Toresdtr*, systerdotter til Lava Olsdtr, tilhald. Det var fleire [familiar frå Land og Biri prestegj.](#) som busette seg i Vesterålen, sume av desse kom frå Torpa og Snertingdal. Hans, Lava og Agnete finn vi på Kringelen også ved [FT1891](#) (Personsedlar [fom tom](#)).*


Peder Andreas^{A11} er konfirmant i Sortland kyrkje på Treeingssundag, [11. juni 1876 \(#1\)](#). Han er nemnd fyrst i kyrkjeboka denne dagen. Mykje truleg sto han fremst på kyrkjegolvet. Det synest som han no òg bur på Kringelen..

[11. oktober 1864 \(#43\)](#) har *Eline Dorteia Lagesdtr* og *Peder Pedersen Rist Dreyer* frå Møklandsø ei lita jente med på kyrkjeferd. I [Øksnes kyrkje](#) får jenta namnet **Barbra Oline**. Familien finn vi ved [FT1865](#) på [Mykland](#) i Øksnes (frå 1964 flytta over til [Bø kommune](#)). **Barbra** har her to eldre systre, *Antonette* og *Elise*. [Ti år seinare](#) har syskenflokken til **Barbra** auka med tre systre og ein bror. **Barbra** vert [konfirmert 13. juni 1880 \(#4\)](#) i Øksnes kyrkje. Ved [FT1910](#) bur fleire av syskena hennar på [Rosenhaug gnr 4/4](#) i Bø herad. Familien er nemnde m.a. på [side 84 i Øksnes bygdebok](#).

Barbra Oline og **Peder Andreas**^{A11} går inn i [ekteskap 9. juli 1894 \(#2\)](#). Teljinga for Steiro [gnr. 14/25 i Sortland](#) herad syner at [dei i 1900 er inderstar her](#). **Anne Eriksdotter**^{A11} bur saman med dei, ho er no nemnd fødd i Vestre Slidre, men skilnaden på «heima» og «austa» åsen er ikkje drug når ein sit på Sortland og «drøymer seg heim»! Vi ser òg at **Barbra** og **Peder** har vorte foreldre til tre gutar: **Reinhardt Johan**^{A111} f 15. september 1896, [dpt Sortland 13. desember s.å. \(#49\)](#), [innførsla i kyrkjeboka 18. juni 1911 \(#37\)](#) fortel at han «*Avla ikkje konfirmasjonsløftet*». **Eilif Arne**^{A112} f 9. juni 1898, [dpt 14. august s.å. \(#19\)](#), [konf 6. juli 1913 \(#24\)](#) og **Bjarne Kristian**^{A113} f 29. november 1899, [dpt 8. april 1900 \(#3\)](#), [konf 8. juli 1915 \(#27\)](#).

«[Realregister for Sortland](#)» syner at **Peder A Pedersen**^{A11} 11. juli 1902 får skjøte av *Hanna Birgitte Johannesdtr* på eigedomen Steiro gnr 14/7 i Sortland. Skjøta vert tinglyst 15. juli s.å. Kjøpesum er 1 975 kroner, og Peder gjev same dag «Hypotekbanken» ein «Obligation» på 1 000 kroner. **Peder** og **Barbra** fekk dottera **Aslaug Marie**^{A114} 29. oktober 1901. Ho vart døyp i Sortland [12. januar 1902 \(#1\)](#) og [konfirmert 17. juni 1917 \(#1\)](#). Siste høna i korga er **Valborg Magnhild**^{A115} f 10. mars, [dpt 19. juli s.å. \(#34\)](#), [konf 14. juli 1918 \(#14\)](#). ([Bilete av henne](#) frå «[Vesterålens Hermetikkfabrikk](#)»)

Anne Eriksdotter^{A11} får oppleva å bli farmor til fem – og at sonen vert sjølveigar. Ho tek avskil med livet [9. desember 1906 \(#13\)](#), på Steiro, og vert lagd til kvile på Sortland kyrkjegard 16. desember s.å. – I kyrkjeboka er notert at ho er fødd på Okshov i Vestre Slidre i år 1827. Sortlandspresten hadde nok vit til ikkje å gå i same «[skriftfella](#)» som kollegaen nede i Kinn i Firdafylket...



Sortland i kveldssol - sett frå Strand – OHF 1. juni 2010

Ved [FT1910](#) er **Peder Andreas**^{A11}, **Barbra** og dei fem borna å finne på [Steiro\(gaard\) gnr 14/7](#) i Sortland herad. **Peder Andreas** dør [6. mai 1938](#) og [vert gravlagd 13. mai](#).

Frå DIS gravminner (og med støtte av [ei slektside hjå GENI](#)) finn ein at **Eilif Arne**^{A112} døydd [29. september 1971](#), **Bjarne Kristian**^{A113} døydd [20. februar 1971](#), kona til Bjarne, **Tordis Olausdtr Johnsen** f 19. april, [dpt 12. juli 1903 \(#8\)](#) i Nordreisa – døydd [29. september 1982](#). **Aslaug Marie**^{A114}

døydde [18. september 1978](#) og veslesystera, **Valborg Magnhild**^{A115} døydde [30. mars 1993](#). **Valborg** var gift med **Birger Oddvar Sæther**. Han var f 26. januar 1903 på [Fjeldmora](#) i Elverum, [dpt 14. Juni s.å\[#41\]](#), bussett ved [FT1910](#) på Øksnæs gnr. 49/1 i Øksnes herad – [død 8. oktober 1984](#). Alle desse er gravlagde på Sortland.

I åra 1975 og -76 (*vår, sumar og haust*) hadde skrivaren av desse «stubbane» postadresse i [Skytterveien](#) på Sortland. Eg meinte hugse at tillitsmannen for ein skogsveg vi hadde del i, etter å ha fått vite at eg var Valdris – fortalde om ein dei kalla ... *Vallers*. Men dette var over ein halv mannsalder innan eg vart interessert i slektsleiting. – Under førearbeidet med denne stubben tok eg kontakt med sonesonen til **Peder Andreas**^{A11} – og fekk stadfesta at farfar hans vart nemnd *Peder Vallers*. – Det burde då borge for at ho **Anne Eriksdotter** ikkje skjæmdest av dalen der ho var [fødd og alen](#) !

Sist i telefonsamtala fekk vel oldebarnet hennar **Anne Eriksdotter** også høyre ei utsegn som minner om undertittelen – «...*du er skyld opphavsmannen*» ! - Kven var så han ? Jau, då lyt vi gå vidare med **Gudbrand Erikson**^{B1}.

Gudbrand^{B1} var, som før nemnt, halvbror hennar **Anne**^{A1} og odelsgut til Mørstad. Han vert confirmert av [res.kap. Heyerdahl](#) i Hegge stavkyrkje [27. juli 1845\[#13\]](#). Han tek over Mørstad med [skjøte tinglese 1. april 1851](#). Han er då så vidt kome over i «dei [myndige](#) sine rekkjer».

[9. april 1854](#) er det to brudevigsler [\[#9\(&10\)\]](#) innført i Ministerialbok nr. 6 for Vang prgj. Sidan jentene i baa para kjem frå [Høre](#) sokn (*Framstad* og *Helle*(Nilsegarden)) er det mykje truleg at [Høre stavkyrkje](#) er samlingsstad for bruddefylja. Baa brudgomane kjem frå «austa åsen» i Slidre. Ho som vert kona til **Gudbrand**^{B1} er **Ingebjørg Olsdotter Helle**. Ho vart f 7. november 1829, [dpt 3.dag jul s.å.\[#5\]](#) og confirmert i «[Vangs hovedkirke](#)» [16. juni 1843\[#3\]](#). **Ingebjørg** er dotter til [Ola Kristofferson](#) og Anne Nilsdtr. **Gudbrand**^{B1} og **Ingebjørg** vert foreldre 27. august 1855 og guten vert oppattkalla etter farfaren **Erik** [14. oktober s.å.\[#69\]](#). [Grunnbokbladet for Mørstad](#) syner at «[lensmand Nordtorp](#)» får «*Auktionsskjøde på db .. for 300 spd dat og thingl 4. juni 1862*». I [FT1865](#) er **Ingebjørg** og sonen Erik skrivne med bustad «Lille Grund Nydalens øvre Spinderi»

For den vidare saga om Gudbrand vil eg syne til den svært gode nettutstillinga Arkivverket har laga – med tittel «[Gulbrand Eriksen Mørstad og løvene](#)». Det er fleire «treff» på nettet om historia hans, men etter mi meining er noko av dette både «rått o røtét»[\[1-2-3-4-5-6-7-8-9\]](#). Det [Wikipedia har raska i hop](#) – det burde vel heller vore presentert på [Ikkepedia](#)». I «*Gardar og slekter i Øystre Slidre*» står skrive: «*Trass i det tragiske mordet i Bergen fekk han altså sett varige spor etter seg, og det spørst vel om nokon øystreslidring har nådd lengre enn Gudbrand som kunstnar.*»

[FT1865](#) syner Gudbrand som «*Straffange Livsfange*» på «*Strafanstalten-Fæstningen*». [Ti år etter](#) er han «*treskjærer*» - og familien er busett i «*Thv Meyers Gade 73*». – [15. september 1881](#) er han registrert som passasjer på «*Dronning Louise*» med reisemål Chicago.



Ei av løvene utanfor Stortinget - fotografert av Jean Marthaler



Synnafør Saltfjord og nordafør Saltfjell

... Austanfor sol og vestanfor måne ...

Polarsirkelfoto frå [tur med «Hurtigruten»](#) 25/2 – 7/3-2011



Halvsysken frå Etnedal kom nordom polarsirkelen ([nord for moralsirkelen ?](#))

Vi startar «[stubben](#)» med å ta ein tur innom i [Aurdal kyrkje](#) 8. august 1776. Denne dagen vert det kunngjort ei [truloving](#) frå preikestolen. **Hans Person** (dpt 12/2 - 1747 , død 29/2 - 1816) frå [Rud i Aurdal](#) er no trulova med **Anne Knutsdotter** (død april 1794) frå [Fjell i Etnedalen](#). Trulovingsmenn er *Haldor* og *Tølleiv Disrud*. Paret går, fortel kyrkjeboka, inn i ekteskapet 19. august s.å. [V side, 9. ovanfrå]. Vi skal følgje dottera **Marit**^{A0} vidare i saga, men lat oss fyrst ta med at **Hans Person** som enkjemann, 3. februar 1795 [H side, 6. nedanfrå], giftar seg oppatt med ‘pige’ **Sofie Nilsdtr** (dpt 16/6 - 1765 , død 20/4-1827) frå [Lund i Aurdal](#). Dei et ved [FT1801](#) nemnde på Rud i Aurdal. «[Gard og bygd i Etnedal](#)», band C, syner på [side 101](#) at **Hans** og **Sofie** er komme til Fjellsbygda i [1803](#) [V side, 2. ovanfrå].



Frå v.: MeFjell(me=midt), SøFjell og Byffelbygdé i bakgrunnen (OHF august 2013)

Marit Hansdotter^{A0} vart døypt i Aurdal kyrkje 5. juni 1776 [H side, 4 nedanfrå] og konfirmert same stad 11. juli 1790 [V side, V spalte, 19. ovanfrå]. Rettnok skriven Pedersdatter – men det må vera ein glipp. – Ho vert 2. juli 1795 gift med **Arne Johannesson** frå [Kleivgard i Etnedal](#). Paret vart trulova i [Bruflat kyrkje](#) 12. april s.å. [V side, øvst]. «*Klevgaard i Brufladt sokn i Ourdahl prgj*» er bustaden deira ved [FT1801](#) [#026&027]. **Marit** og **Arne** er seinare innom på meFjell (*Fjeld mellem*); grunnboka (side 555) syner at **Arne** skjøter løpenr. 709^a til Nils Hanson 13. juli 1820. Dottera **Kari Arnesdtr**^{A01} vert fødd på Kleivgard og døypt 20. september 1807 [V side, 6. ovanfrå] i Bruflat kyrkje. Der vert ho òg konfirmert, 1. juli 1821 [#17], då skriven *Karen Arnesd Fjeld* – og nemnd med «*huusbond Ole Olsen Søerfeld*» som føreset.

Det er truleg «vår» **Kari Arnesdotter**^{A01} som vert gift 25. oktober 1829 [#42] i Bruflat kyrkje. Ho er her nemnd [Espeljeige](#), men alderen stemmer godt. Brudgom er **Anders Knutson**^{AX1} Lundeige. Han er 27 år – og vart, som kona, døypt i Bruflat kyrkje (13. mai 1803 [H side, 3. nedanfrå]). Men han laut ta ein tur over Tonsåsen, til [Bagn kyrkje](#), der han vert konfirmert 9. august 1818 [#14]. Det ser ut til at konfirmasjonane i nordre del av Sør-Aurdal prgj. ambulerer mellom Bagn og Bruflat denne tida – og ein lyt koma i hug at [Bruflat sokn](#) då var del av Sør-Aurdal prgj.

Kari^{A01} og **Anders**^{AX1} får borna **Arne** (f 14/2-, dpt 17/3-1830 [#27], konf 12/6-1846 [V side, øvst]). **Karen** (f 23/1-, dpt 24/2-1833 [#24], konf 15/7-1849 [#108]). **Hans**^{A2}, som vi skal fylje vidare, vert fødd på Lundeige 11. februar 1836 og dpt 6. mars s.å. [#32] i Bruflat kyrkje. **Sidsel** (f Lundeige 20/1-1839, dpt Bruflat 17/3 s.å. [#25]). Ho flytta til [Solum \(Grenland\)](#) og gifta seg der 24/9-1869. **Rønnaug Marie** (f i [Øylié](#) 8/3-1842 og dpt Bruflat 14/4 s.å. [#49]).

Anders^{AX1} dør 4. desember 1844 [#73] i Øylié. Gravferd er ved Bruflat kyrkje 14 desember s.å. Som enkje har truleg **Kari**^{A01} fått noko hjelp av ein kar frå grannelaget. Då dottera **Anne Karine**^{A3} vert døypt, 1. juni 1848 [#81], fortel kyrkjeboka at faren er «*gmd Ole Haldorsen Finstuen 46 Aar*». Den gode **Ole Haldorsen** greidde kunsta å stelle til tvillingar! – 12. juni s.å. [#83] vert **Johan** boren til dåp i Bruflat kyrkje. «*Forældre som N^o 81 1848 – Den i Ægteskab anm. da hands og Enkens første leiermaal*», seier kyrkjeboka vidare. – Ein som høver godt, er **Ola Haldorson**, son til *Haldor Gullikson* og *Sigri Knutsdtr*, fødd på [Madslangrudeige](#) og døypt i Bruflat kyrkje 30. mai 1802 [H side, nest nedst].

Sidan kyrkjebokmaterialet for åra 1849-1865 brann opp – det vart flytta frå prestebustaden i Bruflat i april dagane 1940, men staden der det vart lagra for å sleppe unna *bomber og granatar* – nett den staden vart «råka» av «[den raude hanen](#)» - så no får vi leite andre stader etter Hans og Anne Karine!

Hans Andersson^{A2} finn eg fyrst att då han giftar seg i Saltdalen 8. november 1872 [#21]. Han er ikkje nemnd, så vidt eg kan sjå, i innflyttarlistene i Saltdal. Han har opphaldstad i «[Skeitidalen](#)». [O Rygh](#) fortel at [namnet har samisk opphav](#).. Brura heitte **Olava Marie Jensdtr**^{A2X} og var 25 år og fødd i «[Ranen](#)».

Kyrkjeboka for Mo(Nord-Rana) fortel at ho var f 10. desember 1846 på [Krokstrand](#) og vart døypt i [Mo kyrkje 14. februar 1847](#)^[#9]. Foreldra er nemnde [Jens Pedersen](#) og [Israeline Jensdtr.](#) Innan [Olava](#)^{A2X} vert [konfirmert, 14. juli 1861](#)^[#11], har familien teke turen over Saltfjellet, konfirmasjonen er innført i [Saltdalen. FT1865](#) syner familien i Skeitidalen løpenr. 164 i Saltdal prgj.

Fyrste barnet til [Olava](#) og [Hans](#) vert f 13. januar, dpt [Johan Isak](#)^{A21} [22. mars 1873](#)^[#10] og [konfirmert 1. juli 1888](#)^[#30]. Så kjem [Josefine Mathilde](#)^{A22} f 11. september 1875, dpt [1. januar 1876](#)^[#1], [konf 6. juli 1890](#)^[#32], [Ida Marie](#)^{A23} vert f 13. desember 1879, dpt [25. mars 1880](#)^[#4] og [konf 24. juni 1894](#)^[#6]. Fjerdemann vert [Albin Kornelius](#)^{A24} f 14. november 1884, dpt [2. april 1885](#)^[#5], [konf 1. juli 1900](#)^[#51]. Yngst i ungeflokken vert [Hansine Ovidia](#)^{A25} f 15. august 1887, dpt [15. april 1888](#)^[#5], [konf 6. juli 1902](#)^[#37].

Ved [teljinga 1875](#) er familien inderstar hjå svigerfolket til [Hans](#), no har Skaitidalen fått løpenummer 430. [Hans](#) er «[Tjærebrænder](#)». Tjøre kan ein sikkert få selt snøgt i eit [båtbyggardistrikt som Saltdalen](#). – [11. mai 1891](#) fortel grunnboka at det vert tinglyst ei «[Forpaktningkontrakt fra Fogden i Salten til Hans Andersen Lunde](#)» på [Gnr 41/1\(seinare gnr 70\)](#) i Salten sorenskriveri. «[Gaardbruger og tjærebrænder](#)» er nemninga som [Hans](#) har fått i [teljinga 1891](#). No er familien, som i 1875, [registrert på løpenr. 430 – Husliste](#) – og personskjema [f.o.m – t.o.m](#). Svigermora, [Israeline Jensdtr](#), bur og her. Vi kan og bite oss merke i [neste personskjema](#), for [Graddis](#), der «[Opsynsmand for fjeldstue](#)», [Brede Bredesen f 1831](#)^[#93] i [Grue i Solør](#), held hus. Ein finn fleire [bilete frå Skaitidalen](#) på nettet.

[Johan Isak](#)^{A21} [giftar seg 16. juli 1899](#)^[#9] med [Hanna Kornelia](#) Johansdtr. Ho er dotter til smed [Johan Berg Olsen](#) og [Marie Dorothea Jakobsdtr](#) og er f 17. mai 1875 på [Bleiknes](#) i Saltdal, [døypt 27. juni s.å.](#)^[#27] og [konfirmert 6. juli 1890](#)^[#31]. [FT1875](#) fortel at [Hanna](#) og foreldra då bur på [Lang-sandmoe](#), løpenr. 426 i Saltdalen herad. [FT1900](#) syner at [Johan Isak](#)^{A21} og [Hanna](#) no held til i Skeitidalen gnr. 41/1, saman med borna [Joakim](#) og [Helga](#). Foreldra, mormora og nokre av dei ugifte syskena til [Johan Isak](#) har også tilhald her. [Joakim Martin](#)^{A211} var f 15. oktober 1899 og dpt [14. januar 1900](#)^[#3]. [Helga Ovidia](#)^{A212} f 5. desember 1900 vart [dpt 4. april 1901](#)^[#6]. Med lang kyrkjeveg er det godt skjoneleg at båe borna er heimedøypte. Vidare kjem [Jenny Henriette](#)^{A213} f 1. juli 1902, [dpt 3. august s.å.](#) ^[#29] og [Einar Johannes](#)^{A214} f 6. mai 1904, [dpt 17. juli s.å.](#)^[#26]. Heile familien bur ved [FT1910](#)^[#006-011] i Skaididalen gnr 41/1. [Johan Isak](#)^{A21} er no nemnd «[Gaardbruger og Jæger](#)». Foreldra til [Johan Isak](#)^{A21}, [Hans](#)^{A2} [Lunde](#) ([Gaardbruger Forpakter](#)) og [Olava Jensdtr](#), samt veslebroren [Albin](#)^{A24} med kone og son er òg registrert her.

[Helma Elise](#) Albrigtdotter f på [Stornes i Junkerdal](#) 20. januar 1889, [dpt 12. mai s.å.](#)^[#9], [konf 26. juni 1904](#)^[#32] vert gift med [Albin Kornelius](#)^{A24} [6. februar 1910](#)^[#2]. Paret får sonen [Adolf Hildemar](#)^{A241} 29. august 1910. Guten vert [døypt 2. oktober s.å.](#)^[#40]. Foreldre til [Helma](#) er postfører [Albrigt Olsen](#) og [Sadia Hansdtr](#), registrert på Stornes ved [FT1900](#) og [FT1910. 4. april 1912](#)^[#14] døyper [Helma](#) og [Albin](#) dottera [Kaja Elevine](#)^{A242}. Ho vart f i Skaitidal 10. januar s.å. [Borghild](#)^{A243} vert [f 2. november 1917](#) og [heimedpt dagen etter](#)^[#22]. «[Barnet døde uden daapsstædf.](#)» seier kyrkjeboka. Dødsfall er innført [5. november 1917](#)^[#7], gravferd 7. november og jenta vart jordfesta 14. juli 1918.

[28. september 1900](#)^[#13] går [Josefine Mathilde](#)^{A22} inn i ekteskap med [Peder Olai Eriksen](#). Han er son til 'Gmd'(Gaardmand) [Erik Nilsen](#) og [Anne Sophie Gustavsdtr](#), og er f i [Evenesdal](#) 26. april 1867 og [dpt 19. mai s.å.](#)^[#22], [konfirmert 15. juli 1883](#)^[#23]. Ved teljingane i [1875](#) og [1891](#) er han nemnd på løpenr. 391. Grunnboka syner at [Peder Olai](#) [15. juni 1900](#) fekk skjøte frå mor si på «[Gammelheim gnr 25/1](#) i Saltdalen. Han er då «[herre i eige hus](#)» - og klar til giftarmål! Ved [FT1900](#) er det unge paret opprekna på «[Evenesdal gnr 25/1](#)». Ved neste teljing, [i 1910](#), har dei auka familien med fleire born: [Alfhilda Elisabeth](#)^{A221} f 17. november 1901, [dpt 24. mars 1902](#)^[#6], [konf 2. juli 1916](#)^[#15]. Tvillingane [Oskar Haldor](#)^{A222} f 21. januar 1904, [dpt 31. mars s.å.](#)^[#9] og [Konrad Reidar](#)^{A223} f og dpt^[#10] med same datoar som broren – og [konfirmert 13. juli 1919](#)^[#35]. Minstejenta heiter [Laura Petrine](#)^{A224} f 29. juni 1906, [dpt 23. september s.å.](#)^[#46], [konf 19. juni 1921](#)^[#43].



Om Etnedolene relste kystleia - eller gjennom Rana - har eg ikkje kjennskap til. Bilete teke juni 2010 frå E6 ein stad på Helgeland

Gift forpaktar, [Hans Andersen Lunde](#)^{A2}, dør i Skaitidal [13. november 1914](#)^[#5] og vert gravl. 18. november s.å. –Kona hans, [Olava Marie](#), dør 21. mai – og vert [gravl 25. mai 1934](#)^[#8]. Sønene,

Johan^{A21} og **Albin**^{A24} får i 1920 skyldelt ein [parsell av Skaiti](#) - denne får [gnr 41, bruksnr 2](#). Dei er òg registrerte som eigarar i «[Matrikkelutkastet av 1950](#)». Resten av arealet er i hendene til [Forstvesenet](#). Tilliks med mange andre føretak styrt av statsmakta, er namnet seinare endra til «[Statsskog](#)».

Hansine Ovidia^{A25} bur ved [FT1910](#) på Fagerlid gnr 119/1 i Fauske. Vi finn henne seinare i kyrkjeboka for Saltdal då ektemannen **Hildor Hjalmar Karlsen** døyper sonen **Edmunn Johan**^{A251} [27. mars 1927](#)^[#5]. Det syner seg at **Hansine**^{A25} døydd av «[Barsefeber](#)» på [Børånes 13. mars 1927](#)^[#4] og vart gravl. 18. mars s.å - [DIS-gravminner](#). Her finn vi òg at **Hildor Karlsen** døydd [13. mai 1959](#)^[#4]. **Edmunn Johan**^{A251} tykkjest «[ha gjort svenske av seg](#)» - i direkte tyding! På nettsida «[gravar.se](#)» finn ein [Edmund Johan Karlsen](#) f 1927-03-02; Avliden: 1993-11-19, gravferdsdato 20. nov. 1993 på [Arjeplogs Kyrkogård](#) i Sverige; gravnr: ARJ N 28.

DIS-gravminner fortel òg at **Johan Isak Hansen**^{A21} døydd [8. september 1954](#), kona hans, **Hanna Kornelia**, dødde [8. august 1945](#). Båe er gravlagde ved [øvre Saltdal kyrkje](#). Sonen, **Joakim Martin**^{A211} døyr [23. september 1953](#) og dottera **Jenny Henriette**^{A213} [23. oktober 1992](#).

Josefine Mathilde^{A22} døyr [20. oktober 1949](#), døtrene **Laura Petrine**^{A224} [19. november 1980](#) og **Alfhilda Elisabeth**^{A221} [21. mai 2005](#). Ho vert [103](#) år gamal! **Konrad Reidar**^{A223} **Pedersen** [gifta seg 1. juli 1934](#)^[#8] med **Dagmar Birgitte Bredeesen** (dotter til [Tidemand Bredeesen](#) og [Eva Daviseen](#)) f Graddis 16. februar 1905, [dpt 9. april s.å.](#)^[#4], [konf 4. juli 1920](#)^[#4]. **Konrad Reidar**^{A223} døyr [21. november 1972](#), **Dagmar Birgitte** døyr [17. juli 1982](#). Eit [familietre på Geni](#) har henne med i oversikta.

Adolf Hildemar^{A241} finn kona si i nærområdet. [19. september 1931](#)^[#15] giftingar han seg med **Marie Magdalena Karlsen** (dotter til [Halvor Karlsen](#) og [Amanda Abrahamsdtr](#)) f 4. november 1905 i Junkerdal, [dpt 1. april 1906](#)^[#4]. DIS-gravminner syner hennar dødsdato: [5. februar 1993](#), **Adolf Hilmar** døyr [2. januar 2004](#). Ei av etterslekta til **Marie** og **Adolf** har eit [slektstre på Geni](#).

No får vi snu oss rundt – og sjå nærare på ho **Anne Karine Olsdotter**^{A3}...

Ved [FT1865](#) finn vi henne nemnd i «[Oistuen, søndre Bruflat teljkrins i Bruflat sokn](#)» saman med mor si, halvsystema **Karen Andersdtr** og mannen hennar, **Arne Olson**. Innan neste [teljing i 1875](#) har ho flytta seg eit langt stykke nordover på Noregskartet. No finn vi henne som tenestejente på [Trætnes](#) løpenr. 406b i Saltdal. – Ho tok kanskje leia etter eit «[goggelreip](#)» på nordferd ...

Kvar og når ho vart kjend med **Erik Olai**^{A3X1} **Andreas Erikson** kan korkje «ei goggel» eller eit søk hjå [Google](#) gi noko klart svar på. Kyrkjeboka fortel at han vart fødd på [Tretnæs \(der Anne Karine sidan kjem som tenestjente\)](#) i Saltdal 16. juli 1842, [døypt 10. august s.å.](#)^[#36] og [konfirmert 1. august 1858](#)^[#8]. Foreldre er «[Ungk. Ole Andersen \(fødd i Sverige, bur på Bleiknes\) og Pige Ingeborg Paulsdatter frå Tretnæs](#)» Det er «[Begges første leiermaal](#)». Ingeborg og Ole [giftingar seg 17. oktober 1842](#)^[#16]. Ved [FT1865](#) er **Erik Olai**^{A3X1} busett på [Barkemo i Saltdal](#) – saman med mor si og to sysken. Her finn vi han òg ved [FT1875](#), no nemnd «[Tjærebrænder](#)».

Anne Karine^{A3} og **Erik Olai**^{A3X1} giftingar seg i Saltdalen [14. september 1876](#)^[#10]. Vel ein månad etter, 18. oktober kjem dottera **Lovise Marie**^{A31} til verda på [Borkamo](#). Ho vert [døypt i Saltdal 11. mars 1877](#)^[#8] og [konfirmert i Bodø landsokn 14. august 1892](#)^[#46]. då med bustad [Børleid](#). Så kjem **Emil Andreas**^{A32} f 23. januar 1879 på [Borkamo](#), [dpt Saltdal 4. mai 1880](#)^[#21] og [konfirmert 25. juni 1893](#)^[#31] i Bodø landsokn, han òg med bustad [Børleid](#). Dottera **Olga Kornelia**^{A33} vert f på [Borkamo](#) 21. juli 1881, [dpt i Saltdal 31. juli s.å.](#)^[#18] og nemnd med bustad [Gillesvaag](#) då ho vert konf i Bodin prgj. [11. august 1895](#)^[#46]. **Karen Mathea**^{A34} opnar augo mot verda – på [Borkamo](#)- 11. januar 1884 og vert [dpt i Saltdal 13. juli s.å.](#)^[#22] og [konf i Bodin prgj. 14. august 1898](#)^[#23], bustad [Gillesvaag](#) – som den eldre systema.

Sjølv om halvsystema båe budde i Saltdal, ser det ikkje ut for at dei hadde noko tett samkvem. Ofte er nære slektningar faddrar for borna til kvarandre, men eg har ikkje funne noko som tyder på at **Anne**^{A3} og **Hans**^{A2} rekna skyldskap på «denne måten».

Så ser det ut til at familien flytter frå Saltdalen til Bodø. Sonen **Ingvald Olai**^{A35} vert fødd 20. oktober 1887 på [Almskar](#) i [Børvassdalen](#) og [dpt 1. juli 1888](#)^[#41]. - Kyrkjeboka for Bodø landsokn syner at **Erik Olai**^{A3X1} døyr [27. september 1890](#)^[#27] i [Børleid](#). Gravferd er 16. oktober s.å.

Ved [FT1891](#) er familien registrert på [Moen](#), løpenr. 210 i teljingskrins 6 i Bodø herad. Huslista har [nummer45](#) – og det er 8 personsedlar [f.o.m. #1 t.o.m. #8](#). Innflyttingsmelding frå Saltdalen til Bodø har eg ikkje greidd å finne, men [ei innførsle i grunnboka for 'Bodø landsogn'](#) fortel at det for garden [Børleid](#), gnr 97 var «[Skylddelingsforretning, afholdt 6. juni 1887, afhjemlet 30^{te} og thinglæst 31^{te} Oktober 1893. hvorved denne Eiendom er delt saaledes: 1\) Gaardsnr 97, BrugsNr 1 Østre Børleid, af SkyldM 0,86 tilh Lorents Hansen 2\) Gaardsnr 97, BrugsNr 3, Almskaret, af SkyldM 0,80 tilh Anne Lunde.](#)» [Almskaret](#) (kart frå «[Skog og landskap](#)»).

På neste side kan lesast: «*Skjøde fra Anne Jørgensdtr*(sjå [personskjema #7](#) ved FT1891) *til Elias Madsen Børlid paa denne Eiendom for 500 kr, dat 24/5-94, thl 25/10-95.*» Halde saman med opplysningane om opphaldstad når borna vart konfirmerte, lyt ein gå ut frå at dei kom til Børlid/Almskaret før 1888 og hadde flytta derfrå frå mellom 1893 og 1895.

Anne Karine^{A3} gifta seg, etter å ha vore enkje i vel ti år, med **Edvard Theon Olsen**^{A3X2}, son til *Ole Olsen* og *Anne Pernella Pedersdtr.* Han er ungar, f i Bodø prgj. 22. juli 1862 og [dpt 3. august s.å.\[#80\]](#). Han vart [konfirmert 24. juni 1877\[#25\]](#). Ved teljingane i [1865](#) og [1875](#) er han nemnd på *Helgevig*(*Hellevik*) i Bødø landdistrikt. Bryllaupet til *Edvard* of *Anne Karine* er skrive i Bodin Ministerialbok med dato [20. november 1899\[#23\]](#). Ved [FT1900](#) bur dei i [Buvik under Skagen](#), gnr 80/5, i Bodin herad. Sønene til Anne, **Emil Andreas**^{A32} og **Ingvald Olai**^{A35} bur saman med mor og stefar. **Lovise Marie**^{A31} ser i [FT1900](#) ut til å vera budeie (*Kreaturstel*) på [Stamnæs](#), gnr [6/3 på Røst](#) (i Værøy herad), Lofoten. Systera **Olga Kornelia**^{A33} ser òg ut til å ha teke turen over Vestfjorden – ho er i [FT1900](#) ‘midlertidig busett’ på [Skau under gardsnr 10/2 på Røst](#) (i Værøy) hjå husmannsfolka *Jakob Raanes* og kona *Karoline Olufsdtr* f. i Saltdal. **Karen Mathea**^{A34} finn vi som tenestjente i [Bakken gnr 88/6](#) i Bodin herad ved [FT1900](#).

I tiåret som kjem finn fleire av borna seg ektemakar. **Olga Kornelia**^{A33} giftar seg [13. september 1903\[#12\]](#) i Bodin med **Martinius Torstensen**. Han er husmannsson frå plassen [Skjeie under Steig](#) i Sør-Fron i Gudbrandsdalen. Guten vart fødd 1. april 1873, dpt i [Sør-Fron kyrkje 4. mai s.å.\[#35\]](#) og [konfirmert 13. mai 1888\[#8\]](#). Ved [FT1875](#) er han å finne saman med foreldre od sysken på *Scheie*, løpenr 234a i Sør-Fron herad. Han har nok lært seg å handtere feisel, bor og [sprengstoff](#) (*blank dynamitt?*) – ved FT1900 er han «*Grubearbeider, minerer*» ved «*Øvre Giken Grube*» i Sulitjelma. Innan [FT1910\[#012-016\]](#) har dei sett fire gutar til verda: **Einar**^{A331} f 29. november 1903, [dpt 10. juli 1904\[#31\]](#), [konfirmert 30. juni 1918\[#21\]](#), [død 27. mars 1971](#). – **Torvald**^{A332} f 5. april 1905, [dpt 10. september s.å.\[#31\]](#), [konf 4. juli 1920\[#5\]](#), [død 7. juni 1934](#). – **Arne**^{A333} f 11. april 1907, [dpt 11. august s.å.\[#20\]](#), [konf 5. juni 1921\[#11\]](#), [gift 14. desember 1940\[#33\]](#) med **Agnes Helena Abelsen** (dotter til *Hans Parelius Abelsen* og *Anna Lovise Andreasdtr*) f på Grønås i Fauske 13. januar 1912, [dpt 29. september s.å.\[#30\]](#). **Arne**^{A333} [døyr 10. april 1987](#) og **Agnes** [29. januar 1990](#). Båe er gravlagde på «Fauske øvre». Dei er ein [GENIprofil](#) som syner til **Agnes**. – «neste barn ut» er **Ivar**^{A334}. Han er f 15. april 1909 og [dpt 11. september 1910\[#44\]](#). Han står til [konfirmasjon 29. juni 1924\[#18\]](#). **Ivar** vert gift med **Inga Sundset** f 7. februar 1912 på [Sundset i Rennebu](#), [dpt 31. mars s.å.\[#4\]](#) og [konf 2. oktober 1927\[#2\]](#). (Foreldra til Inga er *Ingebrigt Mikkelsen* og *Anne Tronddtr*). Både **Inga** og **Ivar**^{A334} kviler på «Fauske øvre» gravplass. DIS-gravminner fortel at **Ivar** [døydde 3. februar 1987](#) medan **Inga** [døydde 12. april 1999](#). Ein kan òg finne henne på ein [profil på GENI](#). – På hi side av 1910-teljinga finn vi så **Aasta**^{A335}, f 31. mars 1911, [dpt 6. juli 1913\[#13\]](#) og [konf 5. juli 1925\[#26\]](#). **John Petter Mikal Tårstad**, som vert ektemaken til Åsta, er f 14. september 1901 på [Taarstad](#), gnr. [3/8](#) i Evenes herad i Ofoten. Han vert [døypt 3. august 1902\[#44\]](#) i [Evenes kyrkje](#) og [konfirmert 11. juni 1916\[#3\]](#). Ved [FT1910](#) er han registrert saman med foreldra, *HansKr. L. Olsen* og *Antonette Bertine Olsdtr* samt 5 sysken. Ein kan undrast på om **John** har hatt yrke innan gruvedrift, og slik kome i kontakt med den komande kona si. DIS-gravminner syner at ekteparet kviler på «Gruben øvre» gravplass i [Rana](#). **John Petter** [døydde 11. januar 1961](#) og **Aasta**^{A335} [døydde 24. juni 2000](#). ([GENI](#)) – **Olav Martinus**^{A336} vert f 29. oktober 1914 og [dpt 1. august 1915\[#28\]](#). Han [døyr](#), berre ikr. 15 mndr gamal, [17. januar 1916\[#2\]](#) og vert gravlagt på «Sulitjelma gamle» gravstad [23. januar s.å.](#) – **Asmund Olav**^{A337} er f 11. april 1918 og [dpt 3. august 1919\[#25\]](#). Han [døydde 9. juli 2004](#) og vart gravl på Erikstad gravplass i Fauske 16. juli s.å. Under same gravstein kviler *Anna Hansine Moland* f på [Kvitblik](#) i Fauske 22. april-, [dpt 9. august 1924\[#12\]](#) ([GENI](#)).

Martinius Torstensen [døyr 30. april 1944](#) og **Olga Kornelia**^{A33} [døyr 30. juli 1956](#). Båe kviler på «Sulitjelma nye» gravstad.

Lovise Marie^{A31} vert gift i (*Salt*-)Straumen kyrkje i Bodin [20. august 1905](#) [#4] med **Hagerup Julius Konval** Setsaa. Han var son til *Albertine Hansdtr* Setsaa og murar *Martin Larsen*. Han vart f 31. august 1883, [dpt i Saltdal 21. oktober s.å.\[#29\]](#) og [konf 3. juli 1898\[#10\]](#). Han er busett på Stejnvolden, [Setsaa](#) nordre ved [FT1900](#). Ved [FT1910](#) er **Lovise** og **Hagerup** busett på Sandnæs gnr. 119/1 i Fauske prgj. saman med sonen **Erling Arnoldus**^{A311}, f 31. mars-, dpt i Sulitjelma [13. mai 1906\[#8\]](#) og [konfirmert 21. august 1921\[#15\]](#). **Agnes Charlotte** Benjaminsen (*Dotter til Ludvig Olai Benjaminsen* og *Sofie Bergitte Sakariasdtr*) er f 3. mai-, [dpt 4. september 1904\[#29\]](#) og [konf 29. juni 1919\[#64\]](#). Ved [FT1910](#) er ho nemnd på [Vollen](#), gnr. [89/2 i Fauske herad](#). **Agnes** og **Erling** startar ekteskapet [2. november 1935\[#14\]](#). DIS gravminner syner at **Erling Arnoldus**^{A311} [døyr 13. mai 1957](#) og **Agnes Charlotte** [8. desember 1992](#). Dei er gravlagde på «Sulitjelma nye» gravplass ([GENI](#)). – **Gunnar Trygve**^{A312} vert f [9. april 1911\[#3\]](#) og [døyr same dag\[#7\]](#). – Tredje gut i barneflokk er **Asbjørn**^{A313} f 5. januar 1913, [dpt 2. juledag s.å.\[#52\]](#) og [konf 22. juli 1928\[#10\]](#). På [Finneid i Fauske](#) får *Hans Andreas Jakobsen* og *Jonna Tomasdtr* dottera **Agnes Gurine** 25. september 1914. Jenta får namn ved døyprfonten [13. juni 1915\[#6\]](#). Ho vert [konfirmert](#)

i Sulitjelma 21. juli 1929[#13]. Ho gifter seg med **Asbjørn**^{A313} 29. mai 1935[#3]. Dei har seinare flytta til **Vinger**. Vi finn bae ektefellene gravlagde på **Vinger kyrkjegard**. **Asbjørn døydde 14. september 1987** og **Agnes Gurine 9. februar 2008**. – yngste guten er har funne i denne syskenflokken er **Gunnar Olav**^{A314}. Han er f 16. september 1917, **døpt i Sulitjelma juledagen s.å.[#48]** og **konfirmert same stad 10. juli 1932[#13]**. DIS-Gravminner syner at han **døydde 19. desember 1997** og er gravlagd på **Helland kyrkjegard** i Sørfold.

Neste brur frå ungeflokken til **Erik Olai** og **Anne Karine**^{A3} vert **Karen Mathea**^{A34}. Ho har funne seg ein kar som har yrke innan **gruvedrift**. **Johan Kristian Mathisen** vart f 29. mai 1886 i **Kåfjord** i Finnmark, Han er dpt i Alta prgj. **20. juni same år[#11]**, og **konf i Alta 14. april 1901[#5]**. Foreldra hans er fiskar **Johan Mathisen** og kona **Karen Marie Olsdtr**. Giftarmålet til **Johan Kristian** og **Karen Mathea**^{A34} er å finne med **#0(ikkje gifte her)** i kyrkjeboka for Sulitjelma i Fauske prgj. – Paret gifta seg i **Bodø 8. september 1907[#30]**. Dei bur ved **FT1910** i Giken, gnr 119/1 i Fauske prgj(Sulitjelma), saman med dottera **Margit**^{A342} f 13. november 1909, **dpt 15. mai 1910[#10]** samt dottera **Agnes**^{A341} som **Karen Mathea** fekk med ein 'Rasmussen Osvold' frå **Sigerfjord** i Sortland. **Agnes**^{A341} vart f 20. desember 1903 i **Seivåg** og døypt i Straumen kyrkje **19. juni 1904[#10]**. Dåpsinnføringa fortel at faren er «nu i Amerika». Ei **Agnes Mosbakk** f **20/12-1903** er gravlagd 16. august 1979 på «Fauske nedre» gravplass.(Om dette er «vår» Agnes er ikkje sikkert!) Dødsdato er oppgeve til **9. august 1979**. **Margit**^{A342} **Mathisen (Erikstad)** er gravlagd på «Fauske øvre» gravplass 20. juni 1931. Ho **døydde 15. juni same år**.

Emil Andreas^{A32} tek i austleg lei for å finne godt gifte. **3. oktober 1909[#20]** er han brudgom Brura vart fødd i **Bindal** 10. april 1892 og fekk namnet **Therese Oldine Olsen (Pedersdtr)** i **Solstad kyrkje** i Bindal **6. juni 1892[#7]**. Ho vart **konfirmert i Sulitjelma 7. oktober 1906[#8]**. Foreldre er **Peder Olsen Horsfjord** og **Sofie Hansdtr**. Ved **FT1910[#016-018]** bur paret på Sandnæs, **gnr 119/1 i Sulitjelma** (Statsalmenning), saman med sonen **Tormod Emil**^{A321} f 18. november 1909, **dpt 20. februar 1910[#4]** i Sulitjelma. **Emil** er no nemnd «Malm-Scheideformand», så han har nok òg kome inn i **gruveindustrien**. **Tormod Emil** vert konfirmert **29. juni 1924** [#6], og gravsteinen på «Fauske øvre» gravplass fortel at han **døydde 22. januar 1990**. – **Halgjerd**^{A322} vert f 21. januar- og dpt i Sulitjelma **12. mai 1913[#11]**. Her vert ho òg **konfirmert 28. august 1927[#19]**. – **Aud Erna**^{A323} er f 22. april-, dpt i Sulitjelma **2. juledag 1915[#44]** og konfirmert **21. juli 1929[#16]**. Ho gifter seg **skotårsdagen 1936[#1]** med **Asbjørn Bredesen** f Graddis 30. januar-, dpt i Saltdal **18. juli 1915[#29]** og **konfirmert 22. juni 1930[#41]**. (Foreldra hans er *fjellstovemann Vilhelm Bredesen* og *Hanna E Benjaminsdtr*). Ho er slåleis den andre av «*Etnedalsfamilien*» som gifter seg inn i «*Fjellstoveslekta med røter i Solør*». [Sjå *K R Pedersen*] **Asbjørn Bredesen døydde 7. november 1982** og vart gravlagd i Saltdal 12. november s.å. Biletet av gravsteinen til **Aud Erna**^{A323} på Erikstad gravplass i Fauske syner etternamnet **Jensen** og fortel at ho **døyr 10. mars 2004**. – Minste-mann i ungeflokken er **Gunnar**^{A324}, f 7. oktober 1917, dpt i Sulitjelma **5. januar 1919[#1]**, **konf 10. juli 1932[#31]**. DIS-gravminner fortel at han døydde **12. desember 1988** og vart gravl. på «Fauske øvre» gravplass 20. desember same år.

Ved **FT1910** finn vi **Ingvald Olai**^{A35} i Kirkenes. Innan han reiste dit, må han ha vore i nærkontakt med **Jenny Amanda Aasbrink** f 1891 i Trondheim. Dotter deira, **Ingebjørg** er f på Erikstad i Fauske 30. september- og **dpt 13. november 1910[#47]**. **Ingebjørg**^{A351} og mor hennar er i **1910 registrert på Lynghaug**, plass under Erikstad gnr 104/17 i Fauske (Sjå òg **drøfting hjå DIS-Slektsforum**). På DIS-gravminner finn ein i Saltdal **Ingebjørg Edvardsen** med fødselsdato **30/6-1910** og **dødsdato 3. august 1974 (Grav#11)**. Ved sida (**Grav#10**) finn ein **Olav Edvardsen** f 26. juli 1905, **død 6. juli 1973**.

Anne Karine Olsdotter^{A3} tek sitt siste andedrag på Seivåg i Bodø landsokn **14. april 1918[#4]**. Ho vert gravlagd ved Straumen kyrkje 23. april- og jordfesta 12. mai same år. Så langt eg kan sjå er dei alle 15, i denne «stubben» nemnde barnebarna, fødte innan bestemora legg ut på **den siste reisa**.

For dei som vil leite etter meir opplysningar om Anne Olsdtr (Anne Lunde) i «Gard og bygd i Etnedal» kan eg snøgt fortelja at ho er ei av dei (mange) som ikkje er nemnde med eitt einaste ord i bygdeboka. Eg reknar med at ho etter kvart kan finnast i **S-AGA databasen** – som krev *passord* ! (Men portvaktene kan overtalast til å gi deg eit såvore)

«Saugbruksarbeider» i Namsos «Husmand» i Saltdal

Men kvar kona var fødd – det kjende Saltdalspresten ikkje til

Lat meg starte denne stubben med ein barnedåp i [Bagn kyrkje](#). - [21. januar 1821](#)^[#9] får ei lita jente namnet **Dordie** (*bygdeuttale Dorte/Dorste*). Jenta var fødd 13. desember 1820 på *Brager-eie* ([Braka](#)) på Leirskogen. Foreldra er husmannsparet [Arne Tidemandson](#) og [Sønnøv Toresd.](#) «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» skriv om desse folka i band B [side 289/290](#). Det er ikkje ofte at eg kan legge noko til i det desse fire banda for Sør-Aurdal inneheld, men her kan nemnast at [Sønnøv Toreostr](#) var fødd på [Tokerudeige](#) og døpt i [Nes kyrkje](#), Gran prgj. [5. juni 1786](#)^[Vside,4.ovanfrå]. Ved [FT1801](#) bur ho saman med foreldra på Tokerud. Ho vert konfirmert i [Grinaker kyrkje](#) 16. søndag etter Trinitatis 1802. - Etter [Bauers kalender](#) vert dette [3. oktober 1802](#)^[#36]. Ho gifta seg med [Arne Timannson](#) i Gran prgj. [15. november 1808](#)^[Hside, nest nedst]. – Eg kjem attende med omtale av førenamnet **Timann** til sist i stubben.

Dorte vert konfirmert i [Bruflat kyrkje 3.juli 1836](#)^[#14]. I same kyrkje er ho brur [3. juli 1853](#)^[#14]. Brudgom er **Guttorm Knutson** f 5. mars-, dpt i Bruflat [4. april 1825](#)^[#32], konf [22. august 1841](#) ^{#61}. Han er son til husmannsfolka [Knut Guttormson Bruflateige](#) og [Berit Ellendsdtr.](#) Der er nemnde på [side 26](#) i «*Gard og bygd i Etnedal*», band C - på plassen Møllersvee.

Dorte og **Guttorm** vert foreldre 25. september 1853. Sonen får i Bagn kyrkje [16. oktober s.å.](#)^[#61] namnet **Christian Anton**. Fadrane kjem frå [Skarasæter](#), [Madslangrud](#) og [Brager](#).

Når vi finn familien neste gong - då har dei stega seg eit langt stykke nordover i kongeriket. [FT1865](#) syner at dei no har tilhald i «*2^{det} kvartal, Namsos ladested*» ^[#030-032]. **Guttorm** er «*Saugarbeider*». Les gjerne nettsida om «[Sagbruksbyen Namsos](#)».



Flyttingane til Dorte og Guttorm

I [1875](#)^[#013&014] har **Dorte** og **Guttorm** kome nordom Saltfjellet. Dei er no inderstfolk på [Lerjordfald](#) i Saltdal. No er ikkje sonen **Christian Anton** nemnd. Eg har heller ikkje funne han konfirmert, korkje i Namsos eller Saltdal. Teljing [1891](#)^[løpenr 44] syner at **Dorte** og **Guttorm** har tilhald på [Sundbysanden](#) i teljkrins 3 (Drage-kredsen) i Saltdal. ([Husliste](#). Personseddel [1](#), [2](#)). Sundbysanden under gnr. 12 i Saltdal er framleis opphaldstad ved FT1900. **Guttorm** driv «*Smedearbeid*» og «*lidt fædrift*» medan Dorte er titulert «*husmoder*».

Gift husmann og smed, **Guttorm Knudsen** f 1825 i Valdres og med opphaldstad Sundby – dør [28. august 1906](#)^[#17]. Han vert gravlagd i Saltdal 1. september- og jordfesta 9. september 1906. Husmandskone **Dordi Arnesen** f ca 1823 og opphaldstad Sundby – dør [25. april 1907](#)^[#6]. Ho vert lagt til kvile i Saltdal 29. april 1907 og jordfest 5. mai s.å. – Det var nok ingen som kunne fortelja presten kvar ho kom til verda – *i rubrikken for fødestad står berre eit spørjeteikn !*

År	Fødsels-		Fødested og for vernepliktige Mandska- ber tillige: Svar og hvor konfirmeret.	Bopæl.
	Måned	Day		
ca 1823			?	Sundby

Mannsnamnet Timann

Skriveformer: Tideman(d), Thideman(d), T(h)iman(d), m. fl.

For ein Valdris – og særleg for dei med røter i Aurdalsbygdene – er ikkje dette eit førenamn vi stussar over. Men folk frå andre stader av landet undrast gjerne på kva dette er slags namn. For moro skuld laga eg ei oversikt med utgangspunkt i folketeljingane 1801, 1865 og 1900:

Område / Teljingsår	1801	1865	1910
01 Østfold		3	12
02 Akershus			18
03 Kristiania		6	68
04 Hedmark			4
05 Oppland	37	75	42
Biri	1	2	
Land	2		
Aurdal (Sør-, Nord-)	30	66 (23, 43)	28 (14, 14)
Slidre (Vestre-, Østre-)	2	9 (7, 2)	5 (3, 2)
06 Buskerud	25	61	43
Kongsberg	4	8	7
Norderhov	2		4
Nes	2	5	6
Ål		3	2
Sandsvær (Ytre-, Øvre-)	16	34	13 (4, 9)
07 Vestfold	1	26	37
08 Telemark			24
09 Aust-Agder		1	8
10 Vest-Agder		7	24
11 Rogaland		5	2
12 Hordaland			3
13 Bergen	1	1	5
14 Sogn og Fjordane	2	3	4
15 Møre og Romsdal	3	4	3
16 Sør-Trøndelag			1
17 Nord-Trøndelag			2
18 Nordland		1	11
19 Troms			2
20 Finnmark			1
	128	245	333



Det er to tydelege «tyngdepunkt» for dette namnet: **Aurdal prgj.** i Valdres og **Sandsvær prgj.** i Buskerud

Eg har ikkje gått nøye gjennom namnebruken i Sandsvær, men i Aurdal tuftar bruken av namnet seg i **svært sterk** grad på oppattkalling. Det interessante er at mest alle med dette førenamnet kan føra namnet attende til **ein** kar. Oppkallinga kjem både gjennom *direkte* oppattkalling (etter far / bestefar / oldefar) samt det eg har valt å kalle «*tributt*oppkalling», det eit barn får namn etter avdød ektefelle til far eller mor som er oppattgift.

Ingen av «namnebøkene» som er skanna hjå «Nasjonalbiblioteket» (sjå stykket om [Jendine](#)) har teke med Timann (eller variantar). – Ikkje eingong Østereidet Mållag – som til overmål kallar boka si *Pene namn* !!

Her kan vel «smak og behag» drøftast....

Presten i Trefoldighetskyrkja har [si tolking](#) av kva namnet Timand tyder. Men han har vel ikkje funne heile sanninga. Det er nesten ingen av Timannane i Valdres som er 10. barn i barneflokket !

Det er ikkje utruleg at ænne Tidemann kan vera stamfaren til dei ættene i bygda som vi finn dette heller sjeldsynte mannsnamnet i.

Leif Midthaug: Valdressoga (side 667)

Statsarkivar Midthaug hadde nok mykje rett i denne påstanden.

De kan finne «Valdressoga» (sidene 1-434) [her](#).

Fødd i Røn, var Bøfjæring, budde på Røst, døydde i Fauske



[Innførsle nummer 6](#), 19. mai 1869, for innflytta til Værøy prgj. i Lofoten, fortel at **Peder Eriksen Røen**, 24 år gamal, «*sfødt i Vestre Slidre*» et innflytta frå Bø i Vesterålen til [Melland i Røst](#). Han har synt fram attest «*af 9 Septbr 1869 af sognepr Vinsnæs i Vestre Slidre*». Føremål med flyttinga var «*at tjene*». Kontrameldinga var innført i Ministerialboka for Vestre Slidre [9/9-1869\[#63\]](#).

Peder kom til verda 6. januar 1845 og vart døypt i Vestre Slidre prgj [9. februar s.å. \[#17\]](#). Sidan dei to dåpsborna denne dagen høyrer til i [Rønsgardane](#) er det freistande å tru at dei vart døypte i [Røn krk.](#) Foreldra til **Peder** var husmannsfolka [Erik Pederson](#) og [Thuri Knutsdtr.](#) Fadderane høyrde til på [Ulvestad](#), [Magistad](#), [Fystro](#) og [Reié](#). **Peder** var konfirmert i Vestre Slidre [10/6-1860\[#9\]](#). Han har nok snøgt reist ut or bygda, ved [FT1865](#) er han «*Tjenestekarl*» på Slotholmen i Malnes sokn i Bø prgj., Vesterålen. Legg òg merke til *Tjeneste-*

pige Anne Amundsdatter på lina framfor. Om **Peder** var langt unna Røn, var han likevel ikkje einaste Slidring/Rønsbygding i området, sjå stubben om [Nilssonene](#)

Peder vart ikkje ungkar i lang tid etter flyttinga til Røst. Ser vi på innflyttingsmelding [19/5\[#2\]](#) finn vi pige **Anne Amundsdtr**, 48 aar, *f i Gusdal*, innflytta frå *Øxnæs i Vesteraalen*. Ho vart kona til **Peder Eriksen** [10/10-1869\[#4\]](#). Så langt eg kan skjønne var **Anne** dotter til husmann [Amund Andersson](#) og [Anne Gunnarsdtr.](#) Ho var fødd i *Inlegingen under nedre Forsæth* 19/2- og dpt i [Nykirke 11/3-1821\[#24\]](#). [FT1875](#) syner at **Anne** og **Peder** då budde som inderstar på Odden, løpenr. 140 i Bødø landsokn. Sidan **Peder** er den einaste Valdrisen eg har råkt på – med buplass på Røst – vil eg tru at han fekk høyre saga om «*Skarvane på Utrøst*».

Så treffer vi **Peder** att - som brudgom for andre gong, i Fauske sokn i Skjærstad prgj. [18/7-1891\[#6\]](#) . Denne gongen heiter også brura **Anna Amundsdtr**, men denne kvinna har attåt **Anna** førnammnet **Oline**, og ho er 15 år yngre enn Peder. «*Gamlekona*» hans var 24 år eldre enn han. Så her er det retteleg tale om utskifting av «årsmodellen» ! Men han **Peder** hadde nok ikkje «*hivd kjæringji ut*» innan han vitja tenestjenta på grannegarden. *Arbeidsmanns kone*, **Anne Amundsdatter** døydde på Tverå [8/8-1890\[#14\]](#) og vart gravlagd i Fauske 11/8 s.å

Anna Oline var f på [Letvik](#) (på Jøa) i Fosnes 21/1-, dpt i Fosnes [6/5-1860\[#19\]](#), konf [Fosnes krk. 3/10-1875\[#8\]](#). Ho var dotter til Amund Amundson Finnangr og Petrine Olsdtr. Ved [FT1865](#) budde ho saman med foreldra og to yngre systre i *Varpvig på Joøen*.

[Tveraa](#) (Nordhus og Aspemo) løpenr 200a på [Fauskeeidet i Skjærstad](#) herad var bustad for familien ved [FT1891](#). [Husliste](#), Personskjema [9,1](#) & [2](#).

Anna Oline og **Peder** hadde som før nemnt starta samlivet ei tid innan dei gifta seg. 24/2-1889 vart dei foreldre til sonen **Alfred Parelius** [A](#). Då han vart døypt i Fauske [19/5-1889\[#10\]](#) vart det notert i ministerialboka at faren var «*Gift husmand*» medan mora var «*pige*». **Alfred** sto til konfirmasjon i Fauske [21/6-1903\[#13\]](#). **Alexandra Magdalene** [B](#) var f 6/1-, dpt Fauske [7/8-1892\[#21\]](#), konf [17/6-1906\[#17\]](#). **Esaias Rudolf** [C](#) f 12/5-, dpt [13/8-1893\[#30\]](#), konf [9/6-1908\[#34\]](#). **Konstanse Viktoria** [D](#) f Tveraa 31/10-1897, dpt [10/6-1898\[#30\]](#), konf [30/6-1912\[#2\]](#). Familien budde ved [FT1900](#) på Tveraa gnr 115/6 i [Skjerstad herad](#) medan bustaden i [FT1910](#) vart skriven Aspmoen, gnr 115/6 i Aasgaardene teljegrins i [Fauske herad](#).

Fleire opplysningar om Aspmoen kan de finne i Salten Sorenskriver [pantereregister 20 \(side 20\)](#) og [pantereregister 24I, side 217](#). Her går det fram at **Peder** fekk skjøte datert 28/1-, tinglyst 1/2-1910.



Når vi er innom Fauske lyt vi ikkje gløyme av «[Fauskemarmoren](#)».

Ministerialbok 579A09 syner at *gift gbr* **Peder Eriksen**, fødd 1845 i Vestre Slidre, døydde på Kvithammer [23/3-1913\[#5\]](#), gravlagd/jordfesta 29/3 s.å. Merknaden i feltet «*Opgit dødsarsag*» kan tyde

på at Peder har hatt sterke personlege problem å stri med – om det var av fysisk eller psykisk karakter kan vi ikkje vita ut frå det vi les her. Men vi skjønar at Peder kjende til produkta frå [sprengstoffindustrien](#).

Hjå DISgravminner finn ein at **Anna Oline** døydde 5/8-1937 og vart gravlagd på [Fauske øvre kyrkjegard](#).

Slektsbøkene for Skjerstad og Fauske har i band 3, (Fauske omegn) [side 469/470](#) omtale av **Peder Eriksen** og borna. Dottera **Konstase Viktoria** [D](#) med familie vert skrive om i band 2, [side 377](#).

Alfred Parelius [A](#) losjerte ved [FT1910](#) i [Grubebyen](#), Kirkenes. Han var då fyrbøtar og losjerte hjå familien Sivertsen. I Grubebyen finn vi ved same teljing tenestjente [Juditte Andersen](#) f 29/9-1888. Eg vel å tru at det er ho som vart konfirmert i Sør-Varanger [4/10-1903](#)[\[#15\]](#), skriven **Judita Kristine Hautajærv**. Ho var i så fall notert fødd i [Neiden](#) 29/9-, dpt 6/12-1888 med foreldre [Andreas Andersen Hautajærv](#) og [Kaisa Grete Kantalæ](#). [FT1900](#) fortel at foreldra var fødde i Finland og budde i Vadsø. DISgravminner syner at **Judith** døydde [6/7-1959](#) medan **Alfred Parelius** [A](#) døydde [23/3-1963](#). Dei kviler på Kirkenes nye kyrkjegard. – For den som finn at [dødsfallet](#) også er registrert hjå «[Norwegian Death Index](#)», kan de lesa meir om den databasen hjå [Norsk Slektshistorisk Foreining](#).

Alexandra Magdalene [B](#) døydde [14/6-1956](#), gravlagd på Fauske kyrkjegard 19/6 s.å.


DISgravminner syner òg at **Esaias Rudolf** [C](#) døydde [4/12-1965](#), gravl Fauske kyrkjegard 9/12 s.å. Under same gravstein kviler **Berthea Pedersen**. Dei gifta seg i Fauske [1/8-1915](#)[\[#12\]](#). Ho var dotter til gardbrukar [Nils Mikal Eriksen](#) i [Evenesdal](#) og [Bergitte Emilie Olsdtr](#), fødd 28/10-1892, døypt i [Saltdal](#) [12/2-1893](#)[\[#3\]](#), med namna **Berte** **Antonette** **Barbara**. Ho var konfirmert i Saltdal [5/6-1908](#)[\[#34\]](#). [FT1900](#) fortel at ho då budde i Evenesdal, gnr 25/4 medan garden i [FT1910](#) vart kalla [Forsenet](#). Ho vart då skriven tenestjente. Ho er teke med i «[The Christenson/Andersson/Kleven/Penner Family Tree](#)» hjå Rootsweb. Ho døydde [6/3-1987](#), gravlagd 13/3 s.å.

Konstase Viktoria [D](#) gifta seg i Fauske [13/2-1916](#)[\[#2\]](#) med **Sigvard Ovald Olsen** frå Hadsel i Vesterålen. Foreldra hans var inderstparet [Emil Kristian Olsen](#) og [Inger Josefine Johansdtr](#). Han kom til verda 15/8-, dpt [2/10-1887](#)[\[#80\]](#), konfirmert [5/10-1902](#)[\[#64\]](#). [FT1900](#) plasserer familien på Møllenbak under gnr. 62/1, ved [FT1910](#) er han steson/fiskar og bur saman med systera [Emma](#) hjå ektefolka [Albert Henriksen/Inga Johansdtr](#) på Renbakken [gnr 101/7](#) i Straumfjord-Fleines teljekrins i Hadsel.

Sigvard og **Konstase Viktoria** [D](#) vart foreldre til: **Elly Pauline** [D1](#) ([20/5-1916](#)[\[#14\]](#) – [10/9-1992](#)), **Arna Tordis** [D2](#) ([25/2-1918](#)[\[#22\]](#) – [14/7-1990](#)), **Yngvar Karsten** [D3](#) ([23/3-1920](#) – [25/2-1983](#), gravlagd på Ytteren kirkeg., Rana), **Sigrid Victoria** [D4](#) ([22/11-1921](#)[\[#44\]](#) – [18/4-1998](#)).

Dei tre yngste borna har fått notert [Løvgavlen](#) som fødestad. Hjå «[Store Norske Leksikon](#)» vert det skrive: «*Løvgavlen, sted i Fauske kommune, Nordland, rett nord for kommunesenteret. Her ligger et stort marmorbrudd, startet på slutten av 1880-tallet og tidligere kjent som De Ankerske Marmorbrudd som blant annet har levert marmor til Oslo Rådhus og FN-bygningen i New York. I dag drives bruddet av Norwegian Rose AS, en bedrift i «Nordblockgruppen», og har hovedvekt på produksjon av råblokker av marmor, samt knust marmor til parker og hager. Det drives videreforedling av marmoren blant annet av Ankerske Naturstein AS i Fauske tettsted.*»

Det er vel marmorblokker vi ser nedst i postkortet «Hilsen fra FAUSKE»





Ill. lånt av Valiant.no

Hippisbyggingen som hadde vore gift

Men:

ulikt haren – brann korkje hus eller kjerring opp !

*Han oppgjev «ugift» ved mest alle folketeljingar
– ja, det står òg i dødsinnførsla!*

«Den sterkeste mann i verden, det er han som står mest alene.»



Ill. lånt av Valiant.no

Det står å lesa, svart på kvitt, ei innførsle i Øksnes Ministerialbok (1867-1877) at «*Inderst og Ungkarl*» **Ola(Ole) Olson Hippe**^{A1}, fødd i «*Nordre Aurdals*» (prgi.) og med opphaldstad «*Fagervold i Øksnes*», 19. juli 1873^[#6] går inn i ektestand med «*Pige*» **Anna Susanna Berg**^{AX1} **Larsdtr.** Fagervoll ligg på Tindsøya i Øksnes, ikkje nett i nærleiken av Hippisbygdé. Ola hadde såleis ei lang reise bak seg innan han fann seg ektemake. 28. mars 1874 vert **Anna** og **Ola** foreldre til sonen **Anton**^{A2}. Guten vert døypt i Øksnes kyrkje 12. juli 1874^[#47]. Men – ‘det som snøgt kjem, snøgt går’! Øksnes bygdebok fortel på s. 393 at **Anna** og **Ola** «*skilte lag kort etter, og begge flytta ut, ukjent hvor.*»

Ola Olson^{A1} var fødd 16. september 1846 i Hippe og vart døypt 12. oktober s.å.^[#33] i Ulnes kyrkje. Her vart han òg konfirmert, 24. juni 1960^[#2]. Det ser ut til at han og familien hans har lurt seg unna folketeljaren i 1865. Om dei held seg under radaren til skattekreivjaren seier sogja ingenting om! Foreldra til **Ola**^{A1} var **Ingebjørg Henriksdtr** (1820^[#13] -1911^[#3]) og **Ola Olson** (1822^[#43] -1913^[#1]). Paret har tre born som fører slektsgreina vidare i Valdres; **Berit**^[#9], **Maria**^[#16] og **Ivar**^[#4].

Anna Susanna^{AX1} var fødd 28. januar 1847 på Tilset i Øksnes og dpt 2. april s.å.^[#1]. Ho er dotter til **Lars Knutson Istad** og **Susanna Thomasdtr.** I Langenes kyrkje står ho til konfirmasjon 26. juli 1863^[#7]. Fødestaden til konfirmantane fortel om tilflytting til Øksnes denne tida. Vi finn «fødested» som Navørsæter frå Sogndal, Alstadhaug i Trøndelag og Meløy på Helgeland.

Teljinga i 1875 syner at **Anna Susanna**^{AX1}^[#011] og **Anton**^{A2}^[#012] no har tilhald på Sunderø, lno. 23 i Øksnes herad. **Ola**^{A1} har nok gjort som «*den stillige mannen*» i visa «*Frøken Johansen og jeg*», «*han er fordufta nå..*». – Men to innførsler frå Balsfjord i Troms - der den eine syner «*Lensmand Kolstads Gaardsdrenge*» som tilreisende på Tennæs indre, den hi fortel at gift dagarbeidar **Ole Olsen** f 1844 i Aurdal i Valdres har tilhald på Bakke i Balsfjord der «*Lensmand og Gaardeier*» Gunnar Kolstad (frå Lesja) og familien hans er busett – dette tyder på at vi har funne karen som *fordufta* frå Øksnes. Ti år etter, ved teljinga i «kjøpstadane» 1885, finn vi **Ole**^{A1} **Olsen Hippe** som «*Handelskarl*» og busett i Vestre gade 295a i Tromsø.

I 1900 treffer vi på **Ole O Hippe**, f 1845 i Valders. Han er ugift og har no tilhald på Frydenlund gnr 40/1-4 i Ankenes herad i Ofoten og driv «*Handelsforretning i manufaktur på Hammerfest*». Ved FT1910 har han ikkje flytta mykje på seg, han har no bustad i «*Jonas Lies (%Blix%) gate*» i Narvik. Han påstår seg å vera «*ugift, Løskar*» og er «*Arbeidsformand v/ stenlosting*» ved LKAB.

Seinare har nok **Ola** sett kursen sørover. Klokkarboka for Vefsn fortel at ugift arbeidsleder **Ole Hippe** døyr på «Bygrensen» i Mosjøen 24. juni 1933^[#7]. Dødsårsak er oppgjeve som «*Alderdom*», karen vart heile 86 år gamal. Gravferd og jordfesting er 29. juni 1933, truleg ved Dolstad kyrkje.



Ill.: www.istockphoto.com

Men no får vi slå fylje med sonen, **Anton**^{A2} **Olson**. – Han vert konfirmert i Øksnes kyrkje 22. juni 1890^[#24]. «*Bopel*» er no «*Skibnæs*». Her er eit notat i merknadsrubrikken: «*attest af 23/10 -96 Udmeldelsesattest d.e af Statskirken*». Vel ei veke etter at attesta er datert, 2. november 1896^[#23], finn vi **Anton**^{A2} nemnd som brudgom i Gildeskål prestegjeld. Han er då **bakar** med bustad på Sund i Flakstad prestegjeld i Lofoten. Brura heiter **Jenny Henriette Sofie** Johansdtr, dotter til husmannsfolka **Johan Peter Anton Hansen** og **Mina Karoline Johannesdtr.** **Johan** var f på Flein 12. juli-, døypt 30. juli 1843^[#36] og konfirmert 8. juli 1860^[#5]. Ved FT1865 er han registrert som «*Tjenestekarl*» på «*Sørvær, Øernes teljekrins*» i Gildeskål. Han gifta seg med **Mina Karoline** 23. juli 1866^[#10]. Ho kom frå Haukenes i Sørfold og var fødd i 1846. Ho vart konfirmert i Rørstad kyrkje 14. juni 1861^[#33]. Tilliks med den komande ektemannen, er ho òg i teneste på Sørvær ved FT1865 – så det var nok her paret vart kjende. Ved teljingane i 1875 og 1900 finn vi dei på på nemnde på Våg, i 1910 bur dei på Kråkneset. **Johan Peter** døyr 25. februar 1922^[#5] og **Mina Karoline** 5. februar 1933^[#5]. Båe er gravlagde på Lekanger gravstad (DIS Gravminner).

Jenny Henriette vart f på Vaag ([Våg](#)) i [Gildeskål](#) 20. august 1874, [dpt 25. oktober s.å.\[#92\]](#) i [Gildeskål kyrkje](#). Ved [FT 1875](#) er ho nemnd på Vaag, saman med foreldra, ein eldre bror og tre eldre systre. Ho vert [konfirmert 29. juni 1890\[#26\]](#).

Jenny Henriette og Anton^{A2} vert 5. juli 1897 foreldre til ei gut. Han kjem til verda på Våg i Gildeskål og får namnet **Artur Minsaas^{A3}** ved døypefonten [17. oktober s.å.\[#5\]](#). Den vesle familien har nok teke kurs nordvestover innan slutten av år 1900. Ved [teljinga det året](#) er dei å finne i [Kåfjordbotn](#) i Lyngen herad i Troms. **Anton^{A2}** er no bakar ved [Birtavarre kopargruver](#). Dei må ha kome attende til Gildeskål nokre år seinere, då **Jenny Henriette** døyr på Våg [26. november 1906\[#23\]](#). Ho vert gravlagd 5. desember s.å. og jordfesta 11. januar 1907. Ein har truleg ikkje vore sikker på kva som var hovudårsak til dødsfallet, men ein [frykta infeksjonssjukdom](#) er nemnt.

Ved [FT1910](#) finn vi **Anton^{A2}** som bakar hjå «*G Olsens enke*» som driv «*Handel og Gaardsb.*» på Arnøy nordre, [gnr. 81/1](#) i Gildeskål. Sonen **Artur Minsaas^{A3}** er [ved teljinga](#) «*Pleiesøn*» hjå besteforeldre og morbror på [Kråkeneset gnr. 72/20](#) i Gildeskål.

Ein må tru at **Anton^{A2}** seinare kjem attende til Våg – og at han og sonen tek seg av mora/bestemora, **Anna Susanna^{AX1}**, på hennar eldre dagar. Kyrkjeboka fortel at ho [døyr 12. mai 1927\[#11\]](#) på Våg, og vert gravl. 18. mai s.å. på Lekanger gravstad. **Anton^{A2}** døyr på Våg knappe seks år seinare, [17. mars 1833\[#5\]](#) og vert lagt til kvile på Lekanger gravstad 26. mars s.å. ([DIS-gravminner](#))

Artur Minsaas^{A3} vert konfirmert i Gildeskål kyrkje [23. juni 1912\[#10\]](#). Tre år etter, [27. juni 1915\[#33\]](#) finn vi jenta **Magda Josefine** Johansdtr som konfirmant i same kyrkje. Ho vart fødd på Våg 4. juli 1900 og døypt [27. mai 1901\[#13\]](#). Dei to var truleg kjende frå barneåra, og grunnlag for «*søt musikk i hjertet*» vart gjerne til over tid ... – Dei gifter seg i Gildeskål [andre juledag i 1918\[#28\]](#). DISgravminner syner at **Magda Josefine** [døyr 28. mars 1981](#) og **Artur Minsaas^{A3}** [døyr 11. september 1990](#). Båe kviler på [Lekanger kyrkjegard](#).

Magda Josefine Johansdtr var dotter til *Johan Blix Angel Moritsen*, f 1. juli- og [dpt i Gildeskål 24. juli 1853\[#45\]](#), [død 1938](#). *Johan* var son til paret *Moritz Ingebrigtsen* og *Petrikka Oline Ulriksdtr.* *Johan* gifta seg med *Kari Kristine Kristoffersdotter* f 15. november-, dpt [27. november 1859\[#35\]](#) i [Rugsund kyrkje](#) i [Davik](#) prestegjeld i Nordfjord. Foreldra hennar var ‘gaardmand’ *Christoffer Tollevson Bjødnoe* og kona *Oliane Iversdtr* som ved [FT 1865](#) er nemnde på [Bjørnøen](#) lno. 225 i Davik prgj. *Kari Kristine* døyr [21. mars 1924](#) på Våg i Gildeskål.

	1801	1865	1910	1910 Bager	1910 Baker
Østfold	6	30	81	15	66
Akershus	7	36	87	25	62
Kristiania	46	37	91	59	32
Hedmark	1	52	145	22	123
Oppland	0	43	120	31	89
Buskerud	13	32	93	23	70
Vestfold	4	51	82	24	58
Telemark	8	22	104	33	71
A Agder	2	27	57	34	23
V Agder	6	50	103	53	50
Rogaland	6	111	160	97	63
Hordaland	1	52	157	34	123
Bergen	66	18	38	15	23
Sogn & Fjordane	0	23	67	30	37
Møre & Romsdal	6	23	120	33	87
Sør Trøndelag	15	38	134	36	98
Nord Trøndalag	2	26	93	24	69
Nordland	0	31	157	32	125
Troms	0	16	47	17	30
Finmark	0	10	28	10	18
	189	728	1964	647	1317

Sidan vi har vore innoom ein bakar i denne stubben, la oss sjå kor mange som er registrert med denne yrkesnemninga ved folketeljingane 1801, 1865 og 1910. På «den blaudde kyststriben» er «Bagerne» i fleirtal i 1910, saman med hovudstaden i kongeriket ...



Det bor en gammel baker
på en bitte liten øy.
Han er så lei av kaker
og krem og syltetøy.
Men han må sitte likevel
og spise sine kaker selv.
For han bor helt alene
på en bitteliten øy.

Inger Hagerup

Men no gjer vi som **Ola O Hippe**, tek turen til Vefsn prestegjeld – og startar neste «stubb» der !

Valdrisar vandrar i Vefsn – og i Hattfjelldal

Lat oss fyrst sjå korleis grensene for Vefsn prgj. har endra seg gjennom åra. [Wikipedia har denne teksta](#):

«*Vefsn prestegjeld* var et *prestegjeld* i *Indre Helgeland prosti* i *Sør-Hålogaland bispedømme* i *Nordland*. I 1589 var Vefsn et residerende kapellani, underlagt *Alstahaug prestegjeld*. Kapellaniet hadde en kirke på Dolstad. Vefsn prestegjeld ble opprettet ved *reskript* av 6. mars 1767. Gårdene Remnes (nord for Vefsnfjorden) og Sørnes (sør for Vefsnfjorden) ble grensegårder for prestegjeldet. Vefsn prestegjeld omfatter således hele området innenfor Vefsnfjorden.

Gårdene Kongsdalen, Bleikvasslia og Bygdåsen ble samtidig overført til *Hemnes prestegjeld*, og definerte samtidig grensen mot *Rana*. Leirfjorden, som tidligere hadde vært en del av Vefsn sogn, ble inndelt i Tjøtta sogn og Stamnes sogn i *Alstahaug prestegjeld*.

Ved høyeste resolusjon av 18. juli 1837 ble det gitt tillatelse til beboerne ved Røsvatnet å opprette en hjelpekirkegård ved Tustervatnet, som de selv måtte finansiere og vedlikeholde. Presten hadde plikt til å forrette jordpåkastelse minst en gang årlig.

Ved kongelig resolusjon av 19. april 1849 ble det besluttet at gårdene Rundsvoll og Skogsmo skulle overføres fra Vefsn prestegjeld til *Hemnes prestegjeld*. Ved kongelig resolusjon av 3. august 1859 ble kapellsognet Hattfjelldal utskilt fra Vefsn som *Hattfjelldal prestegjeld*. Grane kapell ble tillatt vigslet ved kongelig resolusjon av 7. september 1859. Ved kongelig resolusjon av 26. juli 1880 ble det deretter gitt tillatelse til å bygge en kapellkirke og anlegge en kirkegård for Drevja på gården Nilsskog. Ved kongelig resolusjon av 25. februar 1927 ble prestegjeldet inndelt i 3 sokn: Vefsn, Drevja og Grane. Grensene mellom sognene ble fastsatt i et møte den 30. desember 1926 i Vefsn herredsstyre.

Ved kongelig resolusjon av 5. februar 1965 ble Grane sogn utskilt fra Vefsn prestegjeld som *Grane prestegjeld*. Samtidig ble Elsfjord sogn i *Hemnes prestegjeld* overført til Vefsn prestegjeld. Prestegjeldet ble faset ut i forbindelse med omstruktureringene i *Den norske kirke* på 2000-tallet.»



I kyrkjebøkene for Vefsn prestegjeld finn vi fyrste dokumentasjon om innflyttarar frå Valdres i 1836. Då vart guten **Hans Mathias Erikson**, son til **Synnøv Amundsdr/Erik Halvorson** døypt i Hattfjelldal. Foreldra kom frå Aurdal prestegjeld i Valdres

Gurine Marie Eriksdr var fødd i Susendalen i 1844. Vi finn meir om henne i stubben « [..via Susendalen til Hadsel](#) ».


Sigri Halvorsdr, **Arne Toreson** og tre born melde innflytting til Vefsn 8/8-1847. Dei kom frå Etnedal via Torpa.

Søren Mikkelson, frå Graneisbygden i Etnedal, var brudgom i Vefsn prgj. i året 1845.

Kartet til venstre er henta hjå: gda.arkivverket.no/norkart

Innan vi tek fatt i **Søren Mikkelson** (Mekjelson) skal vi sjå nærare på førenamnet **Søren** i Valdres og andre stader i kongeriket. Så langt eg kan sjå har vi berre to slektsgreiner i Valdres der namnet er nytta. Eit innlegg frå bygdebokskrivar [Lars E Øyane 12/3-2013](#) fortel at «Etnedalslina» med Sørenar hadde opphav i [Solvorn i Luster](#) og førenamnet var arva frå presten [Søren Rasmusson Falk i Lom](#). Den hi «Sørenlina» kjem via Vestre Slidre til Skrautvål.

Søren Olson frå Luster vert tippoldefar til Søren Mikkelson som kom til Vefsn



Førenamnet Søren i folketeljingane 1801, 1865 og 1910

Fylke / År	FT1801	1865	1910
Østfold	195	186	168
Akershus	207	255	158
Kraa.	65	106	230
Hedmark	147	262	158
Oppland	34	44	42
Buskerud	175	189	94
Vestfold	460	538	317
Telemark	227	294	202
Aust Agder	153	320	208
Vest Agder	283	507	343
Rogaland	108	246	180
Hordaland	54	98	81
Bergen	56	86	120
Sogn/Fjordane	286	473	291
Møre/Romsdal	141	154	119
S Trøndelag	46	45	53
N Trøndelag	39	70	56
Nordland	128	171	206
Troms	117	274	216
Finnmark	20	19	31
	2941	4337	3273

Førenamnet Søren i folketeljinga 1865 for område i Valdres og Vefsn

Navn	Fødd år	Fødested	Stilling og stand	Bosted
Søren Knudsen	1845*	Vestre Slidre	Inderst ug Arbeider	Vestre Slidre: Hodne
Søren Nielsen	1864*	Søndre Aurdals Prgj.	deres Søn ug	Søndre Aurdal: Hullet
Søren Jensen	1806*	Søndre Aurdals Prgj.	Husfaderens Broder ug	Søndre Aurdal: Granumshougen
Søren Nielsen	1857*	Søndre Aurdals Prgj.	deres Søn ug	Søndre Aurdal: Løtasletten nordre
Søren Sørensen	1789*	Søndre Aurdals Prgj.	hans Fader e Føderaadsmand	Søndre Aurdal: Løtasletten nordre
Søren Knudsen	1862*	Søndre Aurdals Prgj.	deres Søn ug	Søndre Aurdal: Braaten
Søren Nielsen	1799*	Søndre Aurdals Prgj.	Husfader g Husmand med Jord	Søndre Aurdal: Skougstad
Søren Rokkersen	1819*	Vefsens Præstegjeld	Husfader g Husmand med Jord	Vefsen: Mosjøen*
Søren Larsen	1827*	Vefsens Præstegjeld	Svigerson, Logerende g Dagarbeider	Vefsen: Almdal*
Søren Bendigtzen	1845*	Vefsen	ug Tjenestekarl	Vefsen: Forsmoen
Søren Olsen	1789*	Vefsen	g Føderaadsmand	Vefsen: Forsmoen
Søren Schjelderup	1818*	Lødingen	g Sognepræst	Hatfjeldalen: Hatfjeldalen*
Søren Mikkelsen	1808*	Urdals Præstegjeld	Husfader g Bykselmand	Hatfjeldalen: Øvre Tralrud
Søren Sørensen	1851*	Hatfjeldals Præstegjeld	deres Søn ug hjælper Faderen med Gaardsbruget	Hatfjeldalen: Øvre Tralrud

Namneboka (*Olav Veka*) fortel på [side 142](#) at **Søren** er «ei form av Severin, truleg lånt frå dansk. Vanlegare for hundre pr sidan enn i dag. Svært sjeldan i (19)80-åra. Nytt i kraftuttrykk: Søren klype! Eller berre Søren! Namnedag 23. oktober». [Ludvig Bru](#), [Rikard Hornby](#) og [Ivar Aasen](#) har òg tilvisingar til førenamnet Severin.

Wikipedia seier dette om bruken av [Søren i banneord](#)/ kraftuttrykk: «Det finnes også «[dannede](#)» banneord, som [søren](#) (omskrivning av «Satan») ... med variasjoner som *fy søren* og *søren klype*.»

Søren Mikkelsen vert hovudperson i den neste stubben. Innan vi startar vil eg gjerne minne om at de hjå Nasjonalbiblioteket kan lesa boka «[Køia i Tusterdalen](#)», skriven av [Mikjel Fønhus](#) [lnk2](#) og utgjeve hjå H Aschehoug & Co 1945. Boka fortel om eit ektepar frå ei dalbygd på Austlandet som har kjøpt seg land i ein fjelldal som hadde modellen sin frå trakter som Fiplingdalen, Susendalen og Hattfjeldalen. Men desse dalane var ikkje folketome når Valdrisane eg skal skrive om kom til desse områda.

Familien på øyre Tralrud i Susendalen og sume av etterkomarane deira

Søren Mikkelsen var fødd på Graneiseige i Bruflat sokn, *Søndre Ourdahls prgj.* 2. august 1809. Han vart døypt i Bruflat kyrkje 3/9-1809^[Vside,6.nedanfrå] med faddrer frå Granei, Hiei og Espeset. Foreldra hans var Mikkel Sørensen og Marit Jonasdtr. Dei er nemnde i «*Gard og bygd i Etnedal*» band B side 118. Eg finn han ikkje konfirmert i Sør-Aurdal, men konfirmasjonar for året 1824 er ikkje ført inn, korkje i Ministerial- eller i klokkebok.

30/6-1845^[nest nedst] i Ministerialboka for Vefsn prgj. finn vi innførsla av giftarmålet hans med **Maren Olsdtr Trallerud**. Ho var dotter til Ole Olsen Overgaardsplass og Ingebor Olsdtr, fødd på Årgårdseige^(Rygh) i Beitstad prgj. 26/6-, dpt 15/8-1824^[#89]. Familien er komme til Vefsn før 1846, då bror til **Maren**, Børre, vart konfirmert 21/6-1846^[#5].

Maren og **Søren** hadde denne barneflokk: **Ole Michael** ^A f 22/10-1845, dpt i Hattfjelldal 9/8-1846^[#92], konfirmert Hattfjelldal 23/6-1860^[#2]. Faren er skriven «*Rydningmand*» då **Ingeborg** ^B f Traldrud 23/12-1846, vart døypt i Hattfjelldal 8/8-1847^[#91]. Ho vart konfirmert 19/6-1864^[#6]. Tredjemann vart **Matthias** ^C f Trallerud 16/12-1848, dpt Hattfjelldal 15/7-1849^[#89], konfirmert Hattfjelldal 18/6-1865^[#10]. **Søren** ^D f Trallerud 6/10-1851, dpt Hattfjelldal 29/2-1852^[#21], konf 30/6-1867^[#16]. **Marie** ^E f 2/4-, dpt Hattfjelldal 30/7-1854^[#115], konf 5/6-1867^[#3]. **Oline** ^F f Trallerud 26/5-, dpt Hattfjelldal 18/7-1858^[#79], konf 22/6-1873^[#17]. **Anna Caroline** ^G f Trallerud 5/11-1860, dpt 10/2-1861^[#1], død av «*halsesyge*» 22/1-1863^[#1], gravl 1/2-s.å. **Andreas Cornelius** ^H f Trallerud 26/2-, dpt 5/7-1863^[#15], død 5/5-1864^[#5], jordfesta 19/6 s.å.. Tvillingane **Edvard Cornelius** ^I og **Andreas Cornelius** ^J f øvre Trallerud 24/5-, dpt Hattfjelldal 30/7-1865^[#11&12], konf 9/5-1880^[#7&2]. - Familien er ved FT1865 registrert busett på øvre Tralrud lno 224 i Susendalen teljekrins, Hattfelddalen prgj.

Søren døydde av lungebetennelse på øvre Tralrud 11/2-1885, jordfesta ved Hattfjelldal krk. 19/2 s.å. **Maren** budde ved FT1891 på Tralrud øvre, lno 238a, ved FT1900 var ho «*Føderaadskone*» på Trollerud øvre gnr 21/2 i Hattfjelldalens herred. Ho døydde som «*kaarenke*» på Ø Trallerud 16/4-1910^[#2]. Ho vart gravlagd på Svenskodd 24/4-1910 og jordfesta 26/9 s.å.

Ingeborg ^B Sørensdatter gifta seg i Hattfjelldal 31/12-1868^[#7]. Karen ho hadde funne hadde også flytta nordover. Han heitte **Helmer Larsson**^(StangeEie) og var fødd i Romedal på Hedemarken 14/2-1840, dpt i Romedal krk. 22/3-1840^[#18]. Foreldra var «*hsf*» Lars Larsen og Helene Andersdtr (Frenning).

Helmer og **Ingeborg** ^B var foreldre til: **Helga Marie** ^{B1} f Thralrud 19/4-, dpt Hattfjelldal 1/7-1869^[#17], konf Hattfjelldal 18/5-1884^[#3]. **Sofie Lorentse** ^{B2} f Trallerud 20/8-, dpt 16/12-1870^[#32], konf 16/5-1886^[#11]. **Søren** ^{B3} f Skun(d)berg 16/9-1872, dpt 16/2-1873^[#4], konf 21/5-1888^[#9]. **Anna** ^{B4} f Skundberg 13/10-1874, dpt 3/1-1875^[#1] (*Faren skriven Gaarbruger*), konf 18/5-1890^[#9]. **Maren Ingeborg** ^{B5} f Skundberg 30/9-1877, dpt 10/1-1878^[#2], konf Vilhelmina, Sverige 6/4-1895^[#0]. **Laura Marie** ^{B6} f 14/1-, dpt 25/7-1880^[#12], konf Vilhelmina, Sverige 6/4-1895^[#0]. **Lars** ^{B7} f Skundberg 20/11-1881, dpt 6/3-1882^[#5]. **Oline (Marie)** ^{B8} f Skundberg 1/5-, dpt 17/6-1883^[#17] og **Signe Sofie** ^{B9} f Skundberg 10/11-1885, dpt 20/6-1886^[#4]. Familien budde ved FT1891 på Skundberg, løpenr 238a i Susendalen, Hattfjelldal herad. Husliste #26 – Personskjema f.o.m t.o.m. Ved denne teljinga er **Laura Marie** ^{B6} tenestjente på Flukstad, (Personseddel#6) hjå svogeren Haagen Andreassen.

Dei to eldste jentene er «*ute av reiret*» ved 1891-teljinga. **Helga Marie** ^{B1} gifta seg 6/7-1890^[#8] med **Haagen Andreasson**, son til Andreas Larsson (Valli) og Bertine Olsdtr. Han var fødd i Åslid 3/12-1865 og dpt i Hattfjelldal krk. 25/3-1866^[#4], konf 25/6-1881^[#13]. - **Sofie Lorentse** ^{B2} gifta seg 30/1-1890^[#1] med **Ole Kristian Andreasson**, f Vallia 10/8-, dpt 14/9-1881 og konfirmert 30/6-1867^[#14], storebror til Haagen. FT1891 plasserer dei på Skundberg. (Personskjema 1, 2). Resten av barneflokk har eg enno ikkje greidd å spore opp.

Eg har ikkje greidd å finne **Helmer** og **Ingeborg** ^B ved teljingane i 1900 og 1910. Men klokkebok nr. 823C03 for Hattfjelldal syner at **Helmer** døydde på Flukstad 23/4-1918^[#8] og vart gravlagd ved Hattfjelldal krk. 9/6 s.å.


Haagen og **Helga Marie** ^{B1} fekk innan dei gifta seg, dottera **Lovise Bergithe** ^{B11}, fødd på Skundberg 8/10-1889, dpt 13/4-1890^[#4], konfirmert 12/6-1904^[#11]. Så kom **Ingebor Anna** ^{B12} f 19/4-, dpt 27/9-1891^[#10], konf 12/5-1907^[#2]. **Arna** ^{B13} f Skundberg 15/11-1892, dpt 7/5-1893^[#4], konf 10/5-1908^[#8]. **Haakon** ^{B14} f Skundberg 7/2-, dpt 23/6-1895^[#8], død ved vådeskudulykke 4/3-1907^[#2], gravl. 19/3 s.å., jordfesta 15/6 s.å. **Lovise Mathea** ^{B15} f Skundberg 3/3-, dpt 4/7-1897^[#7], konf 12/5-1912^[#11]. **Halfdan** ^{B16} f 30/8-1899, dpt 12/4-1900^[#4], konf 21/5-1916^[#8]. **Borghild** ^{B17} f 22/11-, dpt 22/12-1901^[#20], konf 21/5-1916^[#9]. **Magnhild Solveig** ^{B18} f 22/3-, dpt 24/7-1904^[#12], konf 11/5-1919^[#11].

Hilda **B19** f 23/4-, dpt Olsokdagen [29/7-1906](#)[#12], konf [8/5-1921](#)[#5]. **Haakon Hilmar** **B1A** f 23/2-, dpt [16/4-1908](#)[#4], konf [13/5-1923](#)[#6]. **Dagfrid** **B1B** f 5/8-, dpt [16/10-1910](#)[#6] og konf [10/5-1925](#)[#2]. Yngst var **Oline Maria** **B1C** f 26/1-, dpt [19/7-1914](#)[#6], konf [30/6-1929](#)[#10]. Familien budde ved FT1891[1,2] på Flukstad lno. 238a(34). [FT1900](#) og [FT1910](#) plasserer familien på Skundberg gnr 23/1, Susendalen teljekreins i Hattfjelldal.



Hattfjelldal krk. – foto OHF - 2. juni 2010

Lovise Bergithe **B11** vart i Hattfjelldal krk. [10/10-1916](#)[#2] gift med **Edvin Johansen**. Han var son til **Johan Johansen** og **Susanna Halvorsdtr** og han var fødd på **Mikkelfjord** 5/9-, dpt [16/10-1887](#)[#21], konf [12/7-1903](#)[#7]. Ved [FT1900](#) er han busett på **Vefsenmoen** gnr 3/1 i Hattfjelldal, ved [FT1910](#) er han skog-arbeidar og gardsdreng på Brekken(**Brekkvasselv**) gnr 58/1 i Grong - skriven *Edvind J Slettfjeldli*. Det same namnet står på gravsteinen hans. Han døyde [16/7-1947](#) og vart gravlagd på *Susendal nye* gravplass 21/7 s.å. Her kviler òg **Lovise Bergithe** **B11**. Ho døyde [28/11-1968](#), gravl 6/12-s.å. Gravsteinen syner namnet *Bergitte Slettfjelli*. – **Edvin** og **Bergithe** **B11** hadde sonen **Harry** **B111** f 11/12-1925, dpt [1/4-1926](#)[#6], død [10/10-1990](#), gravl 19/10 s.å. **Ingebor Anna** **B12** gifta seg [26/11-1916](#)[#6] med **Leif Konrad Heltersen**, f i **Fiplingdalen** 9/4-, dpt **Grane krk.** [14/6-1891](#)[#13], konf [9/6-1907](#)[#2]. Foreldra hans var *gbr* **Helmer Hansen** og **Marianne Nilsdtr.** [FT1900](#)[#17-24] budde dei i store Fiplingdal, medan **Leif** var *registrert som Gjøtergut i Lillefiplingdal* gnr 70/3 i Vefsn. [FT1910](#) syner at han er jord- og skogsarbeidar og bur saman med foreldre og sysken i **Fiplingdalen store** gnr 7/1. - **Leif** og **Ingebor Anna** **B12** vart foreldre til **Haldis Marie** **B121** f Fiplingdal 31/12-1917, dpt Hattfjelldal [16/6-1918](#)[#6]. DISgravminner fortel at ho døyde 22/3-2002 og er gravlagd på **Susendal nye gravplass**. (Undrast på om den ligg ved **Susendal kapell**) (Sjå **Stubb Kampli**)



Skomakar **Peter Sigurd Jakobsen** var karen som gifta seg med **Arna** **B13**. Dei tura bryllaup [23. juni 1912](#)[#4] i Hattfjelldal krk. Brudgommen var då skomakar, busett på Skundberg. Han var son til **Jakob Arndtsberg Person** på **Simskaret** i Fiplingdalen og **Oline Sørensdtr.** **Peter Sigurd** var såleis syskenbarn med svigermor si. – Han var fødd på Trallerud 11/4-, dpt Hattfjelldal [29/6-1884](#)[#11], konfirmert **Grane** [14/5-1899](#)[#9]. Han døyde [9/7-1966](#) medan **Arna** **B13** levde fram til [18/11-1971](#). Dei kviler ved **Grane kyrkje**. – Dei hadde borna **Helgfrid Olina** **B131** f Skundberg 23/8-, dpt Hattfjelldal [1/1-1914](#)[#1] og

JohanHenrik ^{B132} f Simskaret 13/5-, dpt Grane [22/6-1919](#)[#8]. Han døydde iflg DISgravminner 15/10-2006 og kviler ved Grane kyrkje. Under same gravstein finn vi og **Milne Ruth Simskar** 8/3-1925 – 16/11-2001.

For **Halfdan** ^{B16} tok ungkarslivet slutt [15/7-1927](#)[#7]. Då var det dobbeltbryllaup i Hattfjelldal krk. **Halfdan** ^{B16} starta ekteskap med **Magda Olsdtr** (og den yngre systera **Borghild** ^{B17} gifta seg med Lars Jakobsen). **Magda** («dotter som bur heime») var fødd i Mosjøen 5/2-, dpr Dolstad krk [20/4-1890](#)[#5], konfirmert i Hattfjelldal [10/6-1906](#)[#2]. Foreldra hennar var **Ole Ols. Mosaas** og **Anna Jørgine Larsdtr**. Ved [FT1900](#) var **Anna** enkje og tenar på Mosåsen gnr 100/1 i Vefsn – **Magda** var ved [FT1900](#) fosterdotter i Hattfjelldal gnr 1/1, sysselsett med husarbeid, ved [FT1910](#) var ho tenestjente i **Aasli** gnr 24/1 i Hattfjelldal, dit mor hennar, **Anna Jørgine**, var gift oppatt([30/6-1901](#)[#4]). - **Magda** og **Halfdan** vart foreldre til **Eilif Håkon** ^{B161} f Skundberg 29/4-, dpt Hattfjelldal [16/7-1928](#)[#15].

Som nemnt ovanfor gifta **Borghild** ^{B17} seg [15/7/1927](#)[#8]. Brudgommen, **Lars Kristoffer Jakobsen** var son til *skoghugger* **Jakob Peter Jacobsen** og **Beret Elise Andersdtr**. Han var f i **Aaslid** i Susendal 8/8-1891, dpt Hattfjelldal [17/4-1892](#)[#7], konf Hattfjelldal [12/5-1907](#)[#8]. [FT1900](#) plasserer han som gjetargut på Eggen gnr 27/1 medan han ved [FT1910](#) bur i Aasli gnr 24/1 i Hattfjellfal herad. – DISgravminner syner at **Borghild** ^{B17} døydde [5/1-1987](#), gravl 13/1 s.å. og Lars døydde [5/5-1979](#), gravl 11/5 s.å. Dei kviler på Susendal nye gravplass – og dei må ha teke etternamnet **Eldsmo**. – Eg finn sonen deira, **Inge Oddvar** ^{B171} f på Skundberg 2/3-, dpt Hattfjelldal [28/3-1929](#)[#3].

Magnhild Solveig ^{B18} fekk seg friar frå **Ivarrud. Johan Matheas Sørensen**, son til *skovbetjent* **Søren Finnson** og **Maren Johanne Olsdtr**, var f 14/0-, dpt Hattfjelldal [4/4-1897](#)[#2], konf [12/5-1912](#)[#10]. Bryllaupet vart halde [12/12-1928](#)[#6]. Lat meg nemne at det er inga slektsband mellom «Sørensfolka» frå Ivarrud og «Sørensfolka» frå Tralrud. **Søren Finnson** var fødd på **Østmoen** i Nord-Odal 19/12-, dpt [23/12-1842](#)[#88], konf [3/10-1858](#)[#3]. Ved [FT1865](#) finn vi han på Østmoen østre i Mo sokn, Nord-Odal prgj. **Johan** og **Magnhild Solveig** ^{B18} vart foreldre til sonen **Søren Finn**. Han vart f på **Nervollen** i Hattfjelldal 1/5-, dpt [28/7-1929](#)[#11].

Hilda ^{B19} finn vi hjå DISgravminner med dødsdato [12/1-1977](#) og gravferdsdato 22/1 s.å. Gravminnet syner òg at **Hans T Haugen** kviler i same grav. **Hans** var fødd på **Gammelhaugen** i Susendal 22/11-1900, dpt Hattfjelldal [8/4-1901](#)[#4], konf [21/5-1916](#)[#7]. Ved [FT1910](#) budde han saman med storebroren **Johan**, systrene **Maren** og **Karen** samt foreldra **Tøger Johanson** og **Sina Ovedia Hansdtr** på Haugen gnr 14/1 i Susendalen teljekrins, Hattfjelldal herad. - **Hans T Haugen** døydde [23/6-1973](#), gravl 29/6 s.å.

Astrid Nilsdtr Lamo vart kona til **Haakon Hilmar** ^{B1A}. Dei gifta seg [22/6-1935](#)[#1] i Hattfjelldal krk. Ho **Astrid** var fødd i **Herringbotn** i Vefsn 14/3-, dpt [20/6-1912](#)[#19], konf Hattfjelldal [19/5-1927](#)[#6]. Ho var dotter til **Nils Mikal Olsen** og **Ingeborg Kristine Edwardsdtr**. DISgravminner syner at **Haakon Hilmar** ^{B1A} døydde [3/9-1970](#), gravl 8/9 s.å. og **Astrid Nilsdtr** døydde [23/11-2003](#), gravl 3/12 s.å. Dei kviler, lik dei flesta av denne familien, på Susendal nye gravplass.

Oline Maria ^{B1C} gifta seg [16/6-1941](#)[#5] med **Olav T Bolstad**. Han var son til **Torger Olsen Bolstad** og **Klara Aminda Tøgersdtr**, f i **Vallia** i Susendalen 8/2-, dpt Hattfjelldal [15/6-1906](#)[#7], konfirmert [14/5-1922](#)[#2]. Bolstad-namnet har familien med seg frå **Åmot i Østerdalen**. Farfar til **Olav**, **Ole Pedersen** (Bolstad) f 13/11-1846 flytta frå Åmot til Hattfjelldal. Oppslag hjå DISgravminner fortel at **Olav** døydde [11/12-1995](#), gravl 19/12 s.å. medan **Oline Maria** ^{B1C} døydde [28/4-2000](#), gravl 5/5 s.å. Som dei aller fleste av denne familien frå Skundberg, kviler også **Oline** og **Olav** på Susendal nye gravplass.



Foto: OHF 2/6-2010

Sofie Lorentse ^{B2} gifta seg i Hattfjelldal krk. [30/1-1890](#)^[#1] med **Ole Kristian Andreassen**. Han var fødd i Vallia 10/8-, dpt [14/9-1851](#)^[#130] og konfirmert [30/6-1867](#)^[#14]. Han var son til Andreas Larsson (Valli) og Bertine Olsdtr.

Barneflokket til **Ole Kristian** og **Sofie** ^{B2} var: **Berte** ^{B21} f [Skundberg](#) 16/6-, dpt [3/8-1890](#)^[#10], konf [10/6-1906](#)^[#4]. **Andreas** ^{B22} f [Atterlid](#) 5/7-, dpt [7/5-1893](#)^[#3], konf [10/5-1908](#)^[#1]. **Ingeborg** ^{B23} f [Atterlid](#) 7/10-1895, dpt [6/4-1896](#)^[#4], konf [7/5-1911](#)^[#11]. **Halfrid Lovise** ^{B24} f 21/9-, dpt [17/12-1899](#)^[#15], konf [2/5-1915](#)^[#4]. **Leif** ^{B25} f 11/9-1905, dpt [29/7-1906](#)^[#9], **Olav** ^{B26} f 9/4-, dpt [27/9-1908](#)^[#8], konf [13/5-1923](#)^[#7]. Sokneprest i Hattfjelldal frå 1913, [Torgeir Melby](#) var barnebarn til sokneprest [Torgor O Melbye](#) i Nord-Aurdal i åra 1841-1862.

FT1891 plasserer familien på Skundberg løpenr 238a(32) [Personskjema [1,2](#)]. Dei bur i Atterlien gnr 18/1 både ved [FT1900](#) og [FT1910](#). Pantebokopplysningar for Atterlid finn de [her](#) og [her](#),

Ole Kristian Andreasson døydde i Atterlid [9/10-1926](#)^[#9], jordfesta 18/9-1927. DISgravminner fortel at han vart gravlagd [16/10-1936](#). **Sofie Lorentse** ^{B2} døydde [7/2-1954](#), gravl 14/2 s.å. - **Halfrid Lovise** ^{B24} drukna [22/10-1920](#)^[#2], gravl [1/11-1920](#). **Leif** ^{B25} døydde [2/12-1967](#), gravl 8/12 s.å. **Andreas** ^{B22} døydde [17/7-1975](#), gravl 24/7 s.å. og **Olav** ^{B26} døydde [13/9-1979](#), gravl 22/9 s.å.



Foto: OHF 2/6-2010

Matthias ^C **Sørenson** gifta seg i Hattfjelldal 29/3-1873 med **Maren Emilie Isaksdtr.** Ho var «uekte# dotter til [Elen Marie Persdtr Skog](#) «der opgav som Barnefader Dreng [Isak Andersen Nedre Bjørnaa der vedstaar](#)». – **Maren** var fødd 7/3-, dpt [20/3-1853](#)^[#12], konf [7/6-1868](#)^[#45]. Ho budde på øvre Skog hjå føderaadskone [Maren Persdtr](#), mormor si, ved [FT1865](#).

Eg har funne desse borna: **Signe Marie** ^{C1} f [Trallerud](#) 23/6-, dpt Hattfjelldal [19/7-1873](#)^[#29], død [5/6-1875](#)^[#6], gravl ved Hattfjelldal krk. **Søren** ^{C2} f 3/8-1875, dpt Hattfjelldal [1/1/1876](#)^[#1], konf Hemnes prgj. [26/6-1892](#)^[#27]. **Isak Cornelius** ^{C3} f [Tralrud](#) 13/10-1877, dpt Hattfjelldal [13/1-1878](#)^[#2], død [Elsfjord september 1882](#)^[#17], gravl [Elsfjord](#). **Maren Emilie** ^{C3} f [Elsfjordos](#) 16/6-, dpt [11/7-1880](#)^[#32], konf Hemnes [7/6-1895](#)^[#84]. **Isak Gunelius** ^{C4} f 15/2-, dpt Hemnes [17/6-1883](#)^[#18], konf Hemnes [26/6-1898](#)^[#20]. **Helga Marie** ^{C5} f 12/9-, dpt [11/10-1885](#)^[#31]. **Mathilde Marie** ^{C6} f [Elsfjord](#) 30/3-, dpt [15/7-1888](#)^[#28]. **Signe Olea** ^{C7} f [Elsfjordos](#) 7/7-, dpt [14/9-1890](#)^[#27]. **Otto Ingeman** ^{C8} f 6/3-, dpt [10/7-1892](#)^[#21]. **Anna Pauline** ^{C9} f 18/8-, dpt [23/9-1894](#)^[#32]. **Signe Alvilde** ^{CX} f [Elsfjord](#) 14/12-1895, dpt Hemnes [14/6-1896](#)^[#27].

[FT1891](#) syner familien busett i [Elsfjordos](#). «*Konens moder, Elen Maria Pedersdtr*» bur også hjå familien saman med «*Kaarmand Peder Pedersen og Olava Bergitha Jensdtr f 1816 Nesna*» samt dei handelsreisande [Bjørn Bjørnsen](#) f ca 1861 i Bergen og [Nils Olsen](#) f ca 1849 formentlig i Bergen. [Personskjema [1,2](#)]. Ved [FT1900](#) er dei registrert med adresse [Elsfjordos](#) gnr 33/1 i Hemnes. Ti år etter, ved [FT1910](#) var **Maren Emilie** Føderaadsenke og **Isak Cornelius** ^{C3} hadde overteke som *Gaardbruker* i [Elsfjordos](#). - **Matthias** ^C døydde i [Elsfjordos](#) [11/5-1903](#)^[#15] av «[Hjernebetennelse](#)». Han vart gravlagd 15/5- og jordfesta 22/5 s.å.

Søren ^{C2} gifta seg i Hemnes [29/12-1903](#)^[#25] med **Anna Pauline Olsdtr.** Ho var dotter til *inderst, enkemand* [Ole Vagelius Rødbek](#) frå Molde og *pige* [Karen Ovedia Lind](#). Ho **Anna Pauline** var fødd i

Vågan i Lofoten 14/5-, dpt [23/8-1885](#)^[#61], konf [Hamarøy 1/7-1900](#)^[#8]. Eg vil tru der er ho som budde på Sørvaag(Haugen) gnr 60/4 i Hamarøy ved [FT1900](#).

Anna Pauline og **Søren** ^{C2} var foreldre til: **Maren Marie** ^{C21} f [Elsfjord 3/10-1906](#), dpt [16/6-1907](#)^[#19]. **Mathias** ^{C22} f [Elsfjord 6/1-](#), dpt [4/7-1909](#)^[#20]. **Ole** ^{C23} f [Elsfjord 11/3-](#), dpt [23/7-1911](#)^[#31]. **Sigmund Marelus** ^{C24} f [Elsfjord 4/3-](#), dpt [6/7-1913](#)^[#22].

Hjå DISgravminner finn eg at **Maren Marie** ^{C21} døydde [23/10-1999](#), gravlagd på Lademoen kyrkjegard 29/10 s.å. Det ser ut til at ho var kona til **Ingvald Røhmesmo**. Han var fødd på [Rømmesmo](#) i Orkdal 18/12-1892, dpt [5/3-1893](#)^[#18]. Ved [FT1900](#) og [FT1910](#) er han busett saman med foreldra, **Ole Johnsen** og **Ida Nilsdtr**, på Rømmesmo nr 7/1 i Orkdal. **Ingvald** døydde [13/11-1979](#), gravl. Lademoen 19/11 s.å. – Her kviler òg mor til **Maren Marie, Anna Pauline** (Sørensen), død [9/6-1970](#), gravl 16/6 s.å.

Mathias ^{C22} finn eg hjå DISgravminner. Han døydde [2/5-1997](#), gravl 9/5 s.å. Han kviler på [Brekka kyrkjegard](#) i Hamarøy. Gravsteinen fortel at **Laura Elise Sørensen** òg kviler her. Ho var fødd 23/8-1914, døydde [10/12-1996](#), gravl 18/12 s.å. Ho var truleg kona til Mathias.

Ole ^{C23} **Sørensen** finn ein også hjå DISgravminner. Han døydde [29/4-2003](#), gravlagd 5. juni s.å. på [Bekkelaget kyrkjegard](#). Under same gravstein kviler ektemaken **Karen Emilie Sørensen**. Eg vil tru dette er **Karen Emilia** Johansdtr, f 2/6- på Fosmo i Bardu, dpt Bardu [4/9-1910](#)^[#22]. Foreldra hennar var **Johan Georg Ingebrigtsen** (Nordhus) og **Johanna Petrina Iversdtr**. Familien budde ved [FT1910](#) på Fosmoen gnr 19/4 i Bardu herad. **Karen Emilia** døydde [11/8-2001](#) og vart gravlagd 12/11 s.å. – Ho hadde [28/8-1942](#) fått utskilt ei tomt frå farsgarden Fosmo, jfr *Panteregister nr. 30, Realregisterside 80*.

Søren ^D **Sørensen** gifta seg i Hattfjelldal [1/1-1877](#)^[#1] med **Susanne Kristine Pedersdtr**. Ho var dotter til **Peder Svensden** og **Dorte Olsdtr**, f i [Ørjedal 10/2-](#), dpt Hattfjelldal [30/7-1854](#)^[#122], konfirmert [17/7-1870](#)^[#10]. [FT1865](#) syner familien busett på Ørjedal lno 238 i Susendal teljekrins, Hattfjelldal prgj.

Susanne og **Søren** ^D var foreldre til: **Sissener Mikal** ^{D1} f [Trallerud 11/3-](#), dpt [24/6-1877](#)^[#11], konf [7/5-1893](#)^[#1]. **Peter Dahl** ^{D2} f [Ørjedal 9/11-1878](#), dpt [30/3-1879](#)^[#5], konf [19/5-1895](#)^[#9]. **Sigurd Marius** ^{D3} f [Ørjedal 27/3-](#), dpt [18/4-1881](#)^[#5], konf Hemnes [20/6-1897](#)^[#33]. **Georg Bernhard** ^{D4} f [Ørjedal 14/2-](#), dpt Hattfjelldal [8/4-1883](#)^[#5], konf Hemnes [21/6-1899](#)^[#51].

Søren ^D **Sørensen** (Trallerud), gift *inderst*, døydde i Ørjedal [29/1-1885](#)^[#4], gravferd var 5/2 s.å. i Hattfjelldal - og han vart jordfesta, samstundes med far sin, 30/7-1885. --- **Susanne Kristine** gifta seg oppatt i Hattfjelldal [18/11-1890](#)^[#11] med **Gabriel Andreas Olaussen**. Dei budde ved [FT1891 \(1,2,3,4\)](#) i Ørjedal, under løpenr 238a(17) og ved [FT1900](#) på [Kobhaugen](#) i Hemnes.

Sissener Mikal ^{D1} var ved [FT1900](#) «*Fotograf egen regning*». Han var då busett i Korgen under gnr 107/1 i Hemnes herad. Han gifta seg [9/2-1901](#)^[#1] med **Elen Thomine Marstrand** Johansdtr, dotter til *handelsmand* **Johan Chr Johansen** og **Elen Thomine Olsdtr**, fødd i Korgen 1/3-, dpt [19/3-1876](#)^[#19], konfirmert Hemnes prgj. [21/6-1891](#)^[#89]. Ho er ved [FT1900](#) «*Postaabner og sypige*» og budde på same adresse som den tilkomande ektemaken. Ved [FT1910](#) budde dei på Hemnæsberget gnr 65/1 i Hemnes. Då var dei baa registrerte som fotografar. Dei hadde då sønene **Johan Christian Marstrand** ^{D11} f Korgen 23/12-1900, dpt [Korgen krk. 24/3-1901](#)^[#3] og **Søren Sissener Riverts** ^{D12} f [Kobhaug](#), Hemnes 4/12-1905, dpt [13/5-1906](#)^[#18], død [8/9-1923](#), gravl Hemnes kyrkjegard.

Sigurd Marius ^{D3} finn vi ved [FT1900](#) som «*Fordrer*» ved Ny [Sulitjelma grube](#) i Skjærstad herad. Han sto brudgom i Hemnes prgj. [4/11-1909](#)^[#25]. Brura heitte **Elen Dorthea Jakobsen**. Ho var dotter til **Jakob Didrik Olsen** og **Ida Caroline Johansdtr**. Ho var fødd på [Drevvatne 5/3-](#), dpt Hemnes prgj. [20/4-1884](#)^[#11], konfirmert [25/6-1899](#)^[#82], då budde ho på [Stormo](#). **Elen** og **Sigurd** var ved [FT1910](#) busette på Kivaamo gnr 36 i Elsfjord, Hemnes. Dei hadde då sonen **Sverre Sigmund** ^{D31} f 13/4-, dpt [16/6-1907](#)^[#23].

Frå DISgravminnen finn vi at **Elen Dorthea** døydde [22/6-1967](#) og vart gravl ved Hemnes krk 28/6 s.å. **Sigurd Marius** ^{D3} døydde [22/6-1967](#), gravl Hemnes 28/6 s.å.

Marie ^E **Sørensdtr** vart gift med veslebror til svogeren Helmer. **Julius Larsen** var f Stangeeie i Romedal prgj. 28/7-, dpt [8/11/1851](#)^[#124]. Han vart skriven [Harstad](#)Eie då han vart konfirmert i Romedal krk. [8/11-1851](#)^[#23]. Ved [FT1865](#) budde han på [Midtlund](#) i Fjestad teljekrins, Romedal prgj.

Marie ^E og **Julius** held bryllaup i Hattfjelldal [12/6-1874](#)^[#6]. Forlovarar var Marhias Pettersen og Søren S Trallerud.

Eg har funne at **Marie** ^E og **Julius** vart foreldre til desse borna: **Maren Helene** ^{E1} f [Tralrud 4/5-](#), dpt [5/9-1875](#)^[#29], konfirmert Hattfjelldal [24/6-1890](#)^[#0] (budde i Frostviken, Sverige). **Lina** ^{E2} f øvre Tralrud 10/7-1877, dpt [13/1-1878](#)^[#1], døydde [12/2-1884](#)^[#3], jordfesta 9/7 s.å. Det ser ut til at mange har fått [Difteri](#) skrive som dødsårsak dette året. **Søren** ^{E3} f [Trallerud 3/11-1879](#), dpt [18/7-1880](#)^[#17], død [6/2-](#)

[1884\[#1\]](#) av difteri, gravl 7/2-1s.å. **Lars** ^{E4} f øvre Trallerud 3/10-1883, dpt [9/3-1884\[#3\]](#). **Søren** ^{E5} f øvre Tralrud 25/7-, dpt 10/10/1886[#10]. Dei tre neste borna er fødte i Frostviken, Jämtlands Län, dit dei flytta [17/7-1901\[#8-13\]](#). Borna var døypte i Hattfjeldal. - **Sigvard** ^{E6} f 25/4-, dpt [22/9-1889\[#0\]](#). **Johan Martinus** ^{E7} f 2/1-, dpt [28/6-1894\[#0\]](#). **Harald Elof** ^{E8} f 1/4-, dpt [26/6-1898\[#0\]](#).



Alstahaug krk. - Foto: OHF 30/5-2010

Jacob Arndtsberg Persen var namnet til karen **Oline** ^E **Sørensdtr** gifta seg med. **Jacob** var fødd på [Gammelhaugen](#) i Susendalen 19/1-, dpt Hattfjeldal [22/7-1855\[#97\]](#), konf [Alstahaug krk. 26/7-1870\[#6\]](#). Han var son til snikkar **Per Jacobson** og **Petronelle Persdtr**. Eg har ein mistanke om at han vart registrert som «*Tjenestekarl*» på Lille-Vatne i Vefsn ved [FT1865](#). «*Tilreisende*», «*Skogsarbeider*» vart han skriven ved [FT1875](#), då budde han midlertidig i Mosjøen sokn i Vefsn prgj.

Oline ^E og **Jacob** starta ekteskapet i Hattfjeldal krk. [26/12-1878\[#14\]](#). Forlovarane deira var Nils Mikael Olaussen [Sletfjeldli](#) og Torger Larsen [Svenskvold](#).

Ekteparet hadde desse borna: **Petrine Susanna** ^{F1} f Trallerud 9/4-, dpt [29/6-1879\[#10\]](#), død [30/1-1884\[#2\]](#), gravl3/2-, jordfesta 9/7-s.å. **Mathilde Petra** ^{F2} f Forshaug, Vefsn 29/1-, dpt [8/4-1883\[#9\]](#), konf Grane [5/6-1898\[#12\]](#). **Peter Sigurd** (Simskar) ^{F3} f Trallerud 11/4-, dpt Grane [29/6-1884\[#11\]](#), konf [Grane krk. 14/5-1899\[#9\]](#). **Søren Sigvard** ^{F4} f Trallerud 1/2-, dpt [4/7-1886\[#8\]](#), konf Grane [2/6-1901\[#11\]](#). **Othea Jørgina** ^{F5} f [Ørjedal](#) 4/3-, dpt [17/7-1892\[#6\]](#), konf Grane [9/6-1907\[#10\]](#). **Ida Petrine** ^{F6} f [Vallia](#) 12/5-, dpt [7/10-1894\[#14\]](#), konf Grane [13/6-1909\[#5\]](#).

Ved [FT1891](#) budde familien ved [Ørjevand](#), under lno 238a(18) i Susendalen, [Husliste](#) – Personskjema [f.o.m.](#) – [t.o.m.](#) I [FT1900](#) var familien busett i [Simskaret](#) gnr 68/1 i Vefsn. **Mathilde** ^{F2} var ved [FT1900](#) *Tjenestepige, stuepige* i [Fiplingkroken](#) gnr 69/1&2. Her vart også **Søren Sigvard** ^{F4} og **Othea** ^{F5} dobbeltregistrert som [#013](#) og [#014](#). **Peter Sigurd** ^{F3} fann vi i [FT1900](#) midlertidig busett på Hallingen gnr 74/1 i Vefsn. **Mathilde** ^{F2} [emigrerte i 1902](#) til Amerika medan **Søren Sigvard** ^{F4} reiste frå Trondheim med kurs for Esterville, Iowa – [ekspedisjonsdato 30/10-1903](#). [FT1910](#) syner **Oline** ^E, **Jacob**, **Peter** ^{F3} og **Othea** ^{F5} busette i Simskaret. **Ida Petrine** ^{F6} var ved [FT1910](#) *Tjenestepike* i [Fiplingkroken](#).

Oline ^E **Sørensdtr** døydde av [Lungetæring](#) i Simskaret [9/7-1922\[#2\]](#). Ho vart gravlagd ved Grane krk. 17/7- og jordfesta 23/7 s.å.

Peter Sigurd ^{F3} gifta seg i Hattfjeldal [23/6-1912\[#4\]](#) med **Arna** ^{B13} **Haagensdtr**, dotter til syskenbarnet sitt. Dei vart foreldre til **Helfrid Olea** ^{F31} f Skundberg 23/8-1913, dpt Hattfjeldal [1/1/1914\[#1\]](#) og **Johan Henrik** ^{F32} f Simskar 13/5-, dpt Grane [22/6-1919\[#8\]](#).

DISgravminner syner at **Petter** ^{F3} **Simskar** døydde [18/11-1966](#) medan **Arna** ^{B13} døydde [18/11-1971](#). **Johan Henrik** ^{F32} døydde [15/10-2006](#). Under same gravstein ved Grane krk. kviler òg **Milne Ruth Simskar** (8/3-1925 – 16/11-2001).

Othea Jørgina ^{F5} gifta seg i Vefsn [8/7-1913\[#8\]](#) med **Arne Karolius Iverson** frå Grong. Han var son til **Iver Vittusen** og **Johanna Gudmundsdtr** og budde ved [FT1900](#) og [FT1910](#) på [Smalaasen](#) gnr 65/1 i Grong. **Othea Jørgina** ^{F5} finn vi hjå DISgravminner med dødsdato [21/9-1881](#), **Arne Karelius Smalås** døydde [27/11-1950](#). Dei kviler på [Bjørhusdal kyrkjegard](#) i Namsskogan. Sjå òg [GENIprofil](#).

Marianna Guttormsdtr heitte jenta som **Edvard Cornelius** ^J gifta seg med. Dei gjekk inn i ekteskap i Hattfjeldal krk. [26/7-1886\[#3\]](#). **Marianna** (også skrivne *Mariane*) var dotter til **Guttorm Andersson** og **Oline Olsdtr**. Ho var fødd på [Kvalpskarmo](#) 10/9-, dpt [16/10-1864\[#32\]](#) og konfirmert [27/4-1879\[6. ov\]](#).

FT1865 syner henne saman med foreldra og ei eldre syster, busette på Qvalskarmo ln. 238 i Susendalen teljekrins i Hattfjelddalen prgj.

Marianna og **Edvard** var foreldre til: **Søren** ^{J1} f **øyve Tralrud** 7/9-, dpt Hattfjelldal [17/10-1866](#)^[#11], død [16/2-1887](#)^[#], gravl 24/2- s.å., jordfesta 31/7-1888. **Søren Sigvard** ^{J2} f øvre Tralrud 7/1-, dpt [8/4-1888](#)^[#4], **Guttorm Ingvald** ^{J3} f øvre Tralrud 14/8-, dpt [4/10-1891](#)^[#15], død [14/6-1893](#)^[#5], gravl 21/6 s.å., jordfesta 5/9-1893. Nok ein **Guttorm Ingvald** ^{J4} f øvre Tralrud 25/11-1893, dpt [8/4-1894](#)^[#5]. **Egil Mikael Fagerli** ^{J5} f øvre Tralrud 26/5-, dpt [26/6-1898](#)^[#10], konf [10/5-1914](#)^[#19]. **Ottar Ingvald Bråten** ^{J6} f øvre Tralrud 6/1-, dpt [21/4-1901](#)^[#6], konf [6/5-1917](#)^[#3]. **Marius Andreas** ^{J7} f øvre Tralrud 9/7-, dpt [5/10-1902](#)^[#11], konf [11/5-1919](#)^[#4]. **Ove Adolf** ^{J8} f øvre Tralrud 25/9-1904, dpt [9/4-1905](#)^[#2], konf [8/5-1921](#)^[#15]. **Gudrun** ^{J9} f øvre Tralrud 15/11-1907, dpt [15/7-1908](#)^[#3], konf [13/5-1923](#)^[#9].

Familien budde ved [FT1891](#) på Tralrud øvre lno 238a(30) i Hattfjelldal. [Husliste](#), Personskjema: [1](#), [2](#), [4](#), [5](#). Både ved [FT1900](#) og [FT1910](#) er bustadnamnet skrive *Trollerud* øvre – men eg vil tru dette er ei misstolking av handskrift og ikkje eit hint om at folka på garden er *trollute*... -

Eit [slektsoversyn hjå «My Heritage»](#) fortel at **Søren Sigvard** ^{J2} døydde i Bodø. **Guttorm Ingvald** ^{J4} budde ved [FT1910](#) i «[Internatbygning](#)» for [Døveskulen](#) i [Bispegate 9b](#) i Trondheim. Han gifta seg i Hattfjelldal krk. [7/8-1931](#)^[#3] med **Karoline**, dotter til grdrbr [Peder Kjøning Knof Simonsen Rødli](#) og [Hanna Aminda Mathisdtr.](#) Ho var fødd i Sør-dalen 9/12-1911, dpt [24/3-1912](#)^[#8]. Ein merknad i Ministerialboka seier: «*24/8-22 Den off skole for døve Trondhjem*». - DIS gravminner syner at **Guttorm Ingvald** ^{J4} døydde [25/9-1968](#), gravl 4/10-s.å. medan **Karoline** døydde [14/8-1977](#), gravl 20/8-s.å. Ektefolka kviler på Susendal nye gravplass.

Egil Mikael Fagerli ^{J5} starta ekteskap [28/10-1922](#)^[#8]. Kona hans heitte **Ida Maria Jakobsdtr.** Ho var fødd i [Aaslid](#) 15/10-1892, dpt [9/4-1893](#)^[#3] og konfirmert [10/5-1908](#)^[#7]. Foreldra hennar var [Jakob Petter Jakobsen](#) og [Beret Elisa Andreasdtr.](#) **Ida Marie** og **Egil Mikael** ^{J5} fekk borna **Einar Mikal** ^{J51} f øvre Tralrud 4/3-, dpt [22/6-1924](#)^[#3] og **Sissner Oddmund** ^{J52} f 21/7-, dpt [26/9-1926](#)^[#5]. - DISgravminner syner at **Egil Mikael** ^{J5} døydde [18/5-1982](#), gravl 25/5 s.å. og **Ida Maria** døydde [11/1-1983](#), gravl 18/1 s.å. **Sissner Oddmund** ^{J52} døydde [25/3-2003](#), gravl 1/4 s.å. Dei kviler alle på Susendal nye gravpl. **Einar Mikal** ^{J51} døydde [8/4-1998](#), gravl Hattfjelldal kyrkjegard 17/4 s.å. Han deler gravstein med **Aslaug Marie** f Åsen 13/4-, dpt [29/6-1924](#)^[#3], død [1/3-2005](#), gravl 11/3 s.å. Foreldra hennar var [Ragnvald Matias Samuelson](#) og [Ingeborg Anna Ingebrigtsdtr.](#)

Ragnhild Hansdtr var f på Holand i Drevja 1/4-, dpt i Drevja krk. [22/6-1902](#)^[#6]. Ho var dotter til [Hans Mathias Hvidsten Hansson](#) og [Anna B Pedersdtr.](#) Ho gifta seg med **Ottar Ingvald Bråten** ^{J6} i Hattfjelldal krk. [27/12-1922](#)^[#11]. **Ottar** ^{J6} døydde [16/6-1979](#), gravl 23/6 s.å. medan **Ragnhild** levde fram til [16/1-1995](#), gravl 20/1 s.å. Dei er òg gravlagde på Susendal nye gravplass.

Marius Andreas ^{J7} vart gift med **Inga Alberta Larsen** i Hattfjelldal krk. [24/10-1930](#)^[#4]. Etter DISgravminner døydde han [3/3-1992](#) og vart gravlagd ved Grane kyrkje.

Ove Adolf ^{J8} gifta seg i Hattfjelldal krk [13/7-1935](#)^[#3] med **Solveig Herringbotn** f **Almdalen** 15/2-, dpt [10/7-1910](#)^[#26], dotter til lausarbeidar/fiskar [Konrad Eriksen](#) og [Marianne Mathisdtr.](#) DIS gravminner syner at **Ove Adolf** ^{J8} døydde [13/9-1988](#), gravl 20/9 s.å og **Solveig** døydde [20/9-1993](#), gravl 27/9 s.å. Dei kviler på Susendal nye gravplass.

Gudrun Hansen ^{J9} døydde [8/2-1995](#), gravl. ved Hattfjelldal krk. 16/2 s.å. Ho deler gravstein med **Helge Hansen** f [Slettfjeldli](#) 2/3-, dpt Hattfjelldal [3/4-1910](#)^[#4], konf [10/5-1925](#)^[#1] (Bustad: Morud) . Han var son til fiskar [Bernhard Hansen](#) og [Albertine Johansdtr.](#) **Gudrun** ^{J9} og **Helge** gifta seg [7/12-1940](#)^[#6]. **Helge** døydde [21/12-1992](#), gravl 30/12 s.å.

De kan lesa om gardane i Hattfjelldal (Hattfjelldalens bebyggelse mm) på nettsidene [Storjorden](#).

Søren Mikkelsen/Maren Olsdtr finn de i [databasen til Røy Søfting](#).

Det var knappast **Hattfjelldal Tove Janson** tenkte på då ho skapte «[Hattfjattene](#)»

Ektefolka frå Aurdal kom til Pantdalsli i Susendalen




Hattfjelldalens bebyggelse [fortel på side 52](#) at garden Pantdalsli vart «Optat av **Erik Halvorsen** og h. **Synnøve Amundsdr.** – begge fra Valdres – efter at de først hadde været inderstfolk i Lille Fiplingdal 1834 – 1837.»

Erik Halvordson var fødd på Hieiseige (Higdemseie) i Skrautvål sokn i Aurdal prgj. Han vart døypt i [Aurdal kyrkje 14/7-1805](#) [Hside,4.ovanfrå] med faddrar frå [Hiei](#) og [Sjurud](#) samt *Engebret skoleholder*. Foreldra hans var [Halvord Erikson](#) og [Ane Eivindsdr.](#) **Erik** vart konfirmert i Bagn kyrkje [1/8-1819](#) [#38].

Erik gifta seg [8/6-1834](#) [#18] i Ulnes kyrkje med **Synnøv Amundsdr.**, dotter til [Amund Olson Rognaas](#) og [Marit Andersdr.](#), døypt i Ulnes kyrkje [21/6-1807](#) [Vside,3.ovanfrå] og konfirmert « i *Aaret 1821 d 29de July* [#8] » (Olsok).

- **Erik** er så vidt nemnd på [side 390](#) i «*Gard og bygd i Etnedal*», band A. Han (og familien hans) får meir spalteplass i «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*», band B, side 474. **Synnøv** vert omtala på side 504 i «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*», band C. Her heiter det at «*Tradisjonen fortel at dei (Synnøv og Erik) sommaren 1834 gjekk med ei kyr til Hattfjelldal i Nordland*».



Rekkje no i rad - sa kjæringe – ho hadde berre ei ku

Då sonen **Hans Mathias** **A**, fødd Gammelhaugen 7/2-1836 vart døypt, i *Hattfjelddalens Capel*, [31/7-1836](#) [#62] er **Erik Halvarsen** Susendal skriven «*Nybygger*». Han er skriven «*Rydningssmand*» då sonen **Anders** **B** fekk namnet sitt, i Hattfjelldal [26/8-1838](#) [#114], guten var fødd 23. mai s.å. Bustaden er skriven **Pantdalsli** då ektefolka døypte sonen **Andreas** **C**, i Hattfjelldal [9/8-1840](#) [#96]. Han var fødd 30/3 s.å. - Lat oss òg ta med at **Hans Mathias** **A** sto til konfirmasjon i Hattfjelldal [22/7/1849](#) [#81], broren **Anders** **B** vart konfirmert [17/9-1854](#) [#106] og **Andreas** **C**, [19/7-1856](#) [#89]. Dei neste fem borna er fødde i Pantdalsli, døypte og konfirmerte i Hattfjelldal krk. **Maren Sofie** **D** f 27/10-1842, dpt [13/8-1843](#) [unummerert], konf [31/7/1858](#) [#2]. **Else Marie** **E** f 17/8-, dpt [25/8-1844](#) [#113]. **Oline Marie** **F** f 27/12-1845, dpt [2/8-1846](#) [#85], konf [28/6-1861](#) [#4]. Så kom **Anton** **H** f 13/7-, dpt [3/9-1848](#) [#119], konf [19/6-1864](#) [#1] og til sist **Elen Susanna** **I** f 19/8-, dpt [14/9-1851](#) [#126], konf [30/6-1867](#) [#5].

Erik Halvordson døydde [3/11-1864](#)^[#8] og vart lagt til kvile 12/11 s.å. [FT1865](#) syner **Sønnøv Amundsdr** som «[Holdskone](#)» på *Pantdalslie*, løpenr 238 i Hattfjelddalen prgj. Sonen **Andreas**^C er ugift og «[Dagleier](#)» medan veslebror **Anton**^H figurerer som «*Tjeneste Dreng*». Storebroren **Anders**^B er skriven «*Gaardbruger Leilending*». Han var nok ved teljinga temmeleg nygift, ekteskapet med **Else Maria Johnsdtr** vart starta [26/12-1865](#)^[#2]. Dei vart 30/9-1865 foreldre til ei jente, ho fekk [5/11 s.å](#)^[#22] namnet **Elen Jørgine**^{B1}. Lat meg leggje til at **Else Maria Johnsdtr** var fødd 21/6-, dpt i Tjøtta krk. [6/7-1834](#)^[#31], konf Alstahaug krk [23/6-1850](#)^[#11]. Foreldra hennar var Jon Pederson og Berit Bentsdr.

[FT1865](#) fortel òg at det var to familiar busette i Pantdalsli. Den andre leilendingen var syskenbarnet til **Anders**^B, **Halvor Arneson**. Eg kjem attende til slektsgreina hans i neste stubb.

Ser vi nærare på eigedomsopplysningane for **Pantdalslid**, løpenr 238 No 13, nyt Matr No 191 af skyld ...1 mark 75 øre - «*Pantdalslid statsskog*» [[Realregister 166](#)] Her møter vi namnet «*The North of Europe Land and Mining Co Limited*». Dette fører oss til «[Engelskbruket](#)», sagbruk ved Mosjøen. [Godseigar Fredrik Holst](#) på [Belsvåg](#) har selt mange eigedomar i Vefsn til det engelskeigde sagbruksselskapet. Det er noteringar i registeret for desse plassane under løpenr **238a**, [N° 1](#), [N° 2 og N° 3](#), [N° 4 og N° 5](#), [N° 6 og N° 7](#), [N° 8 og N° 9](#), [N° 10 og N° 11](#), [N° 12 og N° 13](#), [N° 14 og N° 15](#), [N° 16 og N° 17](#), [N° 18 og N° 19](#), [N° 20 og N° 21](#), [N° 22 og N° 23](#), [N° 24 og N° 25](#), [N° 26 og N° 27](#), [N° 28 og N° 29](#), [N° 30 og N° 31](#), [N° 32 og N° 33](#), [N° 34 og N° 35](#), [N° 36 og N° 37](#), [N° 38 og N° 39](#), [N° 40 og N° 41](#), [N° 42 og N° 43](#), [N° 44 og N° 45](#), [N° 46 og N° 47](#), [N° 48 og N° 49](#), osv. til og med [N° 78 og N° 79](#). «Det Engelske Comp(ani)» sel eigedomane til den norske stat med skjøter av 22/11-1899 og 3/3-1900. tinglyst 16/3-1900. Ein sit att med inntrykk av at godseigar Fredrik Holst sikra arbeidsplassar for mange skrivekarar på sorenskrivarkontoret. Om sorenskrivaren ropte [Skriver I, karle ?](#) – del lyt andre svara på.

Her lyt eg gjera eit sidesprang. På turen min langs «kystriksvegen» i 2010 overnatta eg i ei hytte på Belsvåg. Eigaren av garden tok svært godt imot meg, - eg vart bedd med inn i [hovudbygningen](#) og fekk ei skikkeleg omvising. Eit oppslag i avisa «[Helgelendingen](#)» 14. desember 2006 fortel om «*Kulturpris til gammelt bispesete*», «*Herren til ærverdige Belsvåg gård i Alstahaug, Hroar Selboe, (79) ble onsdag tildelt kommunens kulturpris for 2006.*»



Kulturprisvinnar 2006 - og på trappa i Belsvåg 30/5-2010



Til venstre bilete frå «Helgelendingen», til høgre mitt digitalskot frå 29/5-2010

Så tek vi steget attende til Pantdalsli og **Anders**^B **Erikson** / **Else Maria Johnsdtr**. Dottera **Sofia Birgitte**^{B2} vart f 13/5-, dpt [16/8-1868](#)^[#30], konf [6/5-1883](#)^[#6]. Sonen **Aleksander Edvin**^{B3} f 14/6-, dpt [26/12-1870](#)^[#33], konf [16/5/1886](#)^[#4].

[Huslista](#) for Pantdalsli ved [FT1891](#) syner *Grbr Leil A Eriksen* og *Føderaadsenke Sønnøve Amundsdr*. Personskjema [f.o.m](#) – t.o.m. fortel at attåt husets folk var her to tenarar, Sverre Johansen f 1873 og Kristoffer Torvald Nilsen f 1881.

Kaarkone, enkje **Synnøv Amundsdr** døydde i Pantdalsli [15/2-1894](#)^[#2], gravl og jordfesta 2/3 s.å. Svigerdotter **Else Maria Johnsdtr** døydde [15/2-1895](#)^[#3], gravl 1/3 s.å., jordfesta 22/6 s.å. Her er notert at ho «*døde af Koldbrand paabragt ved Forfrysning af den ene ... i et Sneskred*».

Aleksander Edvin^{B3} sto brudgom i Hattfjelldal [23/9-1896](#)^[#2]. Kona hans, **Josefine Johansdr** var fødd på [Granmo](#) 30/3-, dpt Hattfjelldal [14/5-1871](#)^[#17], konf [16/5-1886](#)^[#3]. Ho var dotter til Pige Anne Sofie Andersdr og ungk Johan Nilsen.

Frå Pantregister nr. 21, [realregisterside 32](#) ser vi at Pantdalslid, gnr 5/2 av skyld 98 øre ved Kgl. Skjøte av 24/6-1907, tinglyst 24/6-1907 er heimla til **Aleksander Andersen** ^{B3}. Det vart utskilt ein parsell frå garden både i 1938 og i 1939.

Borna til **Josefine** og **Aleksander Edvin** ^{B3}, alle fødte i Pantdalsli, var: **Alf Egil** ^{B31} f 29/7-, dpt [25/5-1897](#) [#5], konf [12/5-1912](#) [#11]. **John Andreas** ^{B32} f 27/3-, dpt [9/7-1899](#) [#11], konf [10/5-1914](#) [#13]. **Aagot Julie** ^{B33} f 4/2-, dpt [21/4-1901](#) [#6], konf [21/5-1916](#) [#17]. **Else Marie** ^{B34} f 28/2-, dpt [9/4-1903](#) [#5], konf [5/5-1918](#) [#8]. **Ane Sofie** ^{B35} f 21/2-, dpt [2/7-1905](#) [#5], konf [16/5-1920](#) [#14]. **Sofie Aminda** ^{B36} f 3/11-1906, dpt [1/4-1907](#) [#3], konf [8/5-1921](#) [#10]. Tvillingane **Erling** ^{B37} og **Ellen** ^{B38} f 4/7-, dpt [5/12-1909](#) [#13], konf [18/5-1924](#) [#7]. **Halvard** ^{B38} f 23/4-, dpt [1/9-1912](#) [#5], konf [19/5-1927](#) [#8]. Yngst var **Maren Sofie** ^{B39} f 24/7-, dpt [20/9-1914](#) [#10], konf [13/4-1930](#) [#2].

Else Maria Johnsdtr døydde i Pantdalsli [15/2-1895](#) [#3], gravlagd 1/3 s.å., jordfesta 22/6 s.å.

[FT1900](#) syner enkjemann **Anders** ^B **Erikson** som *Gaardbruger, Bygselmand, Tjærebrender og Smed*. **Aleksander** ^{B3} er *Gaarddriver med Fædrift og Skydsing*. Svigerinna, **Marie Johansdtr**, var *Tjenestepige, Haandarbeide*. Bustad var skrive *Pantdalslien gnr 5/1*. - Bustaden til familien vart i [FT1910](#) skriven *Pantdalslien gnr 5/2*. Då vart bestefaren **Anders** ^B **Erikson** nemnd *Kaarmand*. «[Tante Sofie](#)», **Sofia Birgitte** ^{B2} var då *Tjenestepige*. Ho døydde iflg DISgravminner i 1951 og vart gravlagd på Hattfjelldal gamle gravplass [25/1-1951](#).

DISgravminner fortel òg at **Aleksander Edvin** ^{B3} døydde [5/8-1940](#), gravl 10/8 s.å. **Josefine Johansdtr** døydde [29/3-1948](#), gravl 7/4 s.å. - [GENiprofil](#)

John Andreas ^{B32} gifta seg [8/7-1933](#) [#3] med **Paula Mathilde K Brønne**, dotter til inderstfolka **Petra Marie Petersdtr** og **Kristian Jørgen Nilson**. Ho var f i **Brenna** 8/1-, dpt [24/3-1907](#) [#2], konfirmert [14/5-1922](#) [#5]. Frå DISgravminner: **John Andreas** ^{B32} vart gravlagd på Hattfjelldal gamle gravplass 16/9-1948, **Paula** døydde [11/5-1993](#), gravlagd 18/5 s.å.

Aagot Julie ^{B33} var gift med firmeningen sin, **Fritjof P Mikkeljord**. Soga deira kjem i neste stubb. **Else Marie** ^{B34} døydde [5/7-1974](#), gravl Hattfjelldal 12/7 s.å.

[14/11-1937](#) [#0] gifta **Sofie Aminda** ^{B36} seg i **Dolstad krk**. Mosjøen med **Gunnar G Kvalpskarmo**. Han var fødd i Mosjøen 14/6-1905, konfirmert Hattfjelldal [16/5-1920](#) [#14]. Foreldre var **Albert Guttormson** og **Emilia Pedersdtr**. Hja DISgravminner finn ein at **Sofie** døydde [15/10-1972](#), gravl 24/10 s.å. og **Gunnar** døydde [10/1-1992](#), gravl 28/1 s.å. Dei kviler på Hattfjelldal kyrkjegard.

Erling ^{B37} gjekk inn i ekteskap i Hattfjelldal krk [10/7-1937](#) [#4]. Brura heitte **Mary Nybrot**, dotter til **Hjalmar Larsson** og **Marit Olsdtr**. **Mary** var fødd på **Nybrott** i Skarmodalen 3/3-, dpt [27/4-1918](#) [#4], konf [28/5-1933](#) [#4]. **Erling** døydde iflg DISgravminner [26/12-2004](#), gravl. Hattfjelldal 4/1-2005. **Erling** fekk skjøte frå faren på eiegen «Liabekk», [gnr 5/4 i Hattfjelldal 28/12-1938](#), dagbokført 9/2-1939. - Lat meg og ta med at **Mary Nybrot** er morsyster til ei som har vore leiar i Valdres Slekstshistorielag.

Halvard ^{B38} Pantdalsli døydde iflg DISgravminner [29/9-1989](#), gravl 7/10 s.å.



Flyfoto av Pantdalsli – frå «norgeskart.no»

Attende til «**Eriksonene**» i Pantdalsli. – **Hans Mathias** ^A gifta seg [13/7-1862](#) [#2] med **Marta Nilsdtr**. Ho var fødd på **Unkervand** ikr 1840, konfirmert Hattfjelldal [31/7-1858](#) [#5] og foreldra hennar var **Nils Andersen** og **Britha Eriksdtr**.

Martha og **Hans Mathias** ^A fekk borna: **Edvard Benjamin** ^{A1} f Pantdalsli 19/2-, dpt [14/6-1863](#) [#12], konf [27/4-1879](#) [#19]. **Simon Mikael** ^{A2} f østre Unkervand 18/6-, dpt [30/7-1865](#) [#14]. **Anne Marie** ^{A3} f Unkervand 6/11-1867, dpt [9/8-1868](#) [#22], konf [29/5-1982](#) [#8]. **Helmer Andreas** ^{A4} f Ørnæs 8/6-1870, dpt [29/1-1871](#) [#4], død [26/11-1882](#) [#8], gravl 1/12 s.å. **Torgeir Andreas** ^{A5} f Ørnæs 21/6-, dpt [5/10-1873](#) [#36], konf [18/5-1890](#) [#10]. **Emma Marie** ^{A6} f Ørnæs 9/6-1876, dpt [8/10-1877](#) [#48], konf [10/5-1891](#) [#7]. **Helga Marianne** ^{A7} f Ørnæs 13/5-, dpt [3/8-1879](#) [#16], konf [29/4-1894](#) [#10]. **Ernst Severin** ^{A8} f

30/9-1882, dpt [26/3-1883](#)[#3], død Ørnæsset [7/4-1884](#)[#3], gravl 15/4 s.å - Ser ein på dei mange skrivemåtene for garden ved Unkervatnet kan ein seie at «[kjær stad har mange namn](#)»!

Familien budde ved [FT1865](#) på Ørneset løpenr 238. Her fann vi dei og (løpenr 238/48) ved [FT1891](#) ([Husliste](#)) Personskjema [f.o.m](#) – [t.o.m](#). Etter [matrikkelrevisjonen](#) i 1886 fekk Ørneset gardsnummer 32, bruksnr 1. [FT1900](#) syner [Martha](#) og [Hans Mathias](#) [A](#) som *Rydningsmand* og *-kone*. Dottera [Emma Marie](#) [A6](#) gifta seg i Hattfjelldal [2.dag jul 1895](#)[#6] med [Albert Larsen](#). Han var son til [Lars Johan Pedersen](#) og [Brita Charlotte Andersdtr](#), f i [Valli](#) 1/6-, dpt [25/8-1872](#)[#26], konf [21/5-1888](#)[#7]. Dei vart foreldre til [Hilda Emilie](#) [A61](#) f Ørnes 23/10-1895, dpt [29/3-1896](#)[#3], konf [8/5-1910](#)[#6] og [Bergitte Mathilde](#) [A62](#) f 23/7-, dpt [3/10-1897](#)[#12], konf [12/5-1912](#)[#3]. Attåt desse seks folka finn vi og sonen [Torgeir Andreas](#) [A5](#), skriven *Arbeider*.

[FT1910](#) syner at [Hans](#) [A](#) og [Marta](#) då var føderådsfolk – og [Torgeir Andreas](#) [A5](#) var *Gaardsarbeider*. Barneflokken til [Emma Marie](#) [A6](#) og [Albert](#) har auka med to nye born: [Linda Edvina](#) [A63](#) f 11/1-, dpt [22/3-1903](#)[#2], konf [6/5-1917](#)[#13] og [Helfrid Andrea](#) [A64](#) f 15/10-1904, dpt [2/4-1905](#)[#3], konf [11/5-1919](#)[#6]. Her var og ein tenar/Gjætar, [Birger](#) (Albertson) f 28/5-1905. – Eg tvilar sterkt på at ein femåring vart sett til å gjete, sjølv om Arbeidstilsynet ikkje hadde lokalkontor i Hattfjelldal i 1910. Det ville vel bortimot vera betre [å ha reven til gjetar!](#) Men eg ser ikkje bort frå at femåringen var [Birger Marius](#) frå [Garsmark](#), f 28/10-1905, dpt [4/2-1906](#)[#6]. (sjå neste avsnitt)

[Torgeir Andreas](#) [A5](#) hadde trødd friarveg til Garsmark – han gifta seg [17/4-1911](#)[#1] med [Oleanna Bergitte Johnsdtr](#) f 14/3-, dpt [25/4-1875](#)[#12], konf [10/5-1891](#)[#19], dotter til [John Larsson](#) Garsmarken og [Maren Bentsdtr](#). – Dottera [Maren Eline](#) [A51](#) vart f i *Svensk Skarmodal* 22/2-, dpt [22/6-1913](#)[#9], konf [24/6-1929](#)[#5]. Sonen [Halvor Nikolai](#) [A52](#) f Brønmo 13/7-, dpt [10/10-1915](#)[#12], konf [18/5-1930](#)[#7]. DIS-gravminner syner at [Maren Eline](#) [A51](#) døydde [26/3-1992](#), gravl 3/4 s.å. Ho kviler saman med [Birger M Garsmark](#), død [27/8-1967](#), gravl 31/8 s.å. – så her har nok tremeningane også vore ektefolk. [Halvor Nikolai](#) [A52](#) (etternamn [Olderli](#)) døydde [10/5-1999](#), gravl 19/5 s.å. – Han deler gravstein med [Ester Konstane](#) f Aspnes 17/7-1924, dpt [22/2-1925](#)[#4], død [4/7-2003](#), gravl 11/7 s.å. Ho var dotter til gbr. [Edvin Nilsson](#) og [Karen Edvinsdtr](#).

[Hilda Emilie](#) [A61](#) flytta ut mot kysten. Ho gifta seg i [Alstahaug krk.](#) [24/1-1922](#)[#2] med [Johan Sivertson Brovold](#), son til [Sivert Zahl Torson](#) og [Hanna Marie Johansdtr](#). [Johan](#) var f på [Herten](#) 19/3-, dpt [Alstahaug 12/6-1898](#)[#8], konf [22/6-1913](#)[#4]. [Hilda](#) [A61](#) og [Johan](#) vart foreldre til [Inger Anna](#) [A61](#) f på [Markvold](#) 23/11-1923, dpt [Alstahaug 13/4-1924](#)[#2]. Ho deler gravstein med [Birger Marius Garsmark](#)

Her lyt eg få lov å ta nok eit sidesprang ... [Johan Sivertson Brovold](#) hadde eit syskenbarn som vart gift med farbror til stubbskrivaren – eg har mange gonger sagt at «[verda er ikkje så stor som vi trur!](#)»!



Ved Alstahaug kyrkje – foto OHF 30. mai 2010

[Bergitte Mathilde](#) [A62](#) starta ekteskap i Hattfjelldal krk. [16/7-1921](#)[#5]. Han som fekk ja-ordet var [Johan Ingemann Lauritsen](#) (Åsen), son til [Lauritz Johnsen Hjelmstadstuen](#) frå Øyer og [Anne Marie Hemingsdtr](#). [Johan](#) var fødd i Grolid 9/1-, dpt [25/6-1893](#)[#6], konf [10/5-1908](#)[#3]. Vi finn han ved [FT1900](#) på Åsen, gnr 37/1 i Hattfjelldal. I 1910-teljinga var han «dobbeltbooka», han vart tellt både på [Åsen gnr 37/1](#) og på [Garsmark gnr 38/1](#). [Johan](#) døydde i [Grolid 20/9-1927](#)[#3], gravl 30/9 s.å. [Bergitte Mathilde](#) [A62](#) døydde [30/5-1953](#), gravl Hattfjelldal gml. gravplass. [Johan](#) og [Bergitte](#) var foreldre til [Emil Agnar Johansen](#) [A621](#) (19/7-1922[#21] – 9/3-1973).

[Linda Edvina](#) [A63](#) vart gift i Hattfjelldal [21/7-1923](#)[#3] med [Ingebret Andreas Heggli](#), f [Hæglien](#) 8/1-, dpt [11/4-1897](#)[#3], konf [12/5-1912](#)[#5]. Foreldre: [Ole Mikal Andersen](#) og [Birgitte Marie Agapetusdtr](#).

Det var då [agalaust](#) til namn !!! -**Ingebret** vart registrert i Heggli ved [FT1900](#) og på Nybraate i [FT1910](#). **Ingebret** og **Linda Edvina** [A63](#) vart 2/4-1924 foreldre til ei jente, ho fekk namnet **Emma Alberte** [A631](#) i Hattfjelldal krk [27/7-1924](#)[#9]. - **Linda Edvina** [A63](#) døydde [31/7-1955](#), gravl 5/8 s.å., **Ingebret Andreas** døydde [3/8-1976](#), gravl 10/8 s.å. Ektefolka kviler på Hattfjelldal gamle gravplass.

Helfrid Andrea [A64](#) vart også gift i nærområdet. Ho starta [24/11-1928](#)[#5] ekteskap med vegarbeidar **Helge Johnson (Dahlen)**, son til **John Halvorson** og **Nikoline Jørgine**. Han var f 4/12-1898, dpt [5/2-1899](#)[#1] og konfirmert [10/5-1914](#)[#6]. Hja DISgravminner finn ein at **Helge** døydde [6/4-1975](#), gravl 21/4 s.å. medan **Helfrid Andrea** [A64](#) døydde [15/12-1990](#), gravl 21/12å. Dei kviler ved Hattfjelldal krk.

Andreas [C](#) **Erikson** gifta seg [21/6-1868](#)[#3] med **Anna Kristine Johansdtr** f på [Fallmo](#) 17/4- dpt [1/6-1845](#)[#53], konf Hattfjelldal [21/6-1861](#)[#12], dotter til bygselvolka på Gammelhaug, **Johan Nicolai Nilsson** og **Karen Maria Jakobsdtr** – sjå [FT1865](#). – **Andreas** [C](#) var ved [FT165](#) i Pantdalsli.

Anna Kristine og **Andreas** [C](#) vart notert med bustad [Vollan](#) ved dåp av dei fire yngste borna: **Edvard Jørgen** [C1](#) f Gammelhaug 25/4-, dpt [21/6-1868](#)[#11], konf [6/5-1883](#)[#8]. **Sofie Kristine** [C2](#) f 4/9-, dpt [4/10/1874](#)[#35], konf [18/5-1890](#)[#6]. **Anna Bergitte** [C3](#) f [23/3-1876](#)[#45], konf [15/5-1892](#)[#1]. **Maren Jørgine** [C4](#) f 23/3-, dpt [17/4-1881](#)[#5], konf [17/5-1896](#)[#7]. **Andreas Alfred** [C5](#) f 16/4-, dpt [26/6-1887](#)[#7], konf Vefsn [5/6-1904](#)[#36] (innf [Hattfjelldal](#) #0).

Det ser ut til at «*ungkarl, tømmerkjører Edvard* [C1](#) *Andreassen fra Vollan i Hatfjelddal*» har hatt oppdrag i Hemnes prgj. i 1892-93. Han vart i alle fall skriven som far til jenta **Gyda Marie** [C11](#), f Hjørtli 19/7-, dpt Hemnes krk. [3/9-1893](#)[#36] ([GENI](#)profil). Mor til jenta var enkje **Anna Skrøder Hanssen** f 1861. **Gyda** [C11](#) er ved [FT1900](#) busett på Tveraamo gnr 26/2 i Hemnes. Ho bur på gnr 26/2 også i [FT1910](#), men no er gardsnamnet skrive Hjørtli. Ho vart, i Værøy prgj., [2/9-1918](#)[#2] gift med fiskar **Alfred Sigurd Adolfsen**. Dei får dottera **Alfrida Oline** [C111](#) f 26/11-1918, dpt Værøy [23/3-1919](#)[#4] og sonen **Arild** [C112](#) f [Sørland](#) 11/7-, dpt [4/9-1921](#)[#14]. Disgravminner fortel at **Gyda** døydde [22/4-1976](#) medan **Alfred Sigurd** døydde [22/10-1976](#). **Arild Adolfsen** [C112](#) døydde [6/8-1898](#).

Sofie Kristine [C2](#) vart gift i Hattfjelldal [5/10-1909](#)[#6] med **Fridtjof Olaf Sørensen**. Han var fødd på Nystad i Grane sokn, Vefsn 27/12-1881, dpt Grane krk. [5/2-1882](#)[#1], konf [23/5-1897](#)[#10]. Foreldra var husm. **Søren F Sørensen** og **Maren Johanne Olsdtr**. **Fridtjof** høyrer til «*Sørensfolka i Ivarrud*» – med røter frå Odalen, jfr. førre stubb. **Fridtjof** var ved [FT1900](#) gardsarbeidar og **tjørebrennar** i Ivarrud gnr 12/1 i Hattfjelldal. Ved [FT1910](#) er **Frithjof** skriven *Gaardsdreng* og **Sofie** [C2](#) skriven *Syerske*. Dei var då foreldre til sonen **Sigvald Marius** [C21](#) f 23/11-1909, dpt [28/3-1910](#)[#3], konf [10/5-1925](#)[#4]. Så kom **Aasmund Sten** [C22](#) f 8/3-, dpt [16/6-1912](#)[#2], konf [19/5-1927](#)[#7] og **Arne Lund** [C23](#) f 3/12-1917, dpt [9/6-1918](#)[u nr], konf [28/5-1933](#)[#4].

DISgravminner syner at **Sigvald Marius** [C21](#) døydde [20/7-1966](#), gravl 28/7 s.å. Under same gravstein kviler **Hedvig Andrea** f **Vefsnmo** 1/8-, dpt [4/9-1921](#)[#9], død [19/10-2006](#), gravl 27/10 s.å. - **Aasmund Sten** [C22](#) vart gift [15/7-1944](#)[#4] med **Dagrun Viola Børresen** f 4/6-1920. Ho døydde 14/1-1992, gravl 21/1 s.å. medan **Aasmund** døydde 12/10-1996, gravl 18/10 s.å. **Arne Lund** [C23](#) døydde 19/11-1991, gravl 25/11 s.å. Dei kviler alle på Susendal nye gravplass.

Bernt Petterson (Nysæth)([GENI](#)) heitte karen **Maren Jørgine** [C4](#) gjekk inn i ekteskap med, [26/12-1905](#)[#6]. Han var fødd i **Kampli** 5/9-, dpt [13/10-1880](#)[#22] og konf [17/5-1896](#)[#11]. Foreldra hans var **Petter Anton Mikkelsen** og **Maren Sophia Halvorsdtr** (sjå neste stubb), **Maren Sophia** og **Maren Jørgine** var syskenborn. Ved [FT1910](#) var **Maren Jørgine** [C4](#) og **Bernt** å finne på Vollan gnr 15/1 saman med sonen **Aasmund Berg Nyvoll** [C41](#) f 30/1-, dpt [29/3-1908](#)[#3], konf [13/5-1923](#)[#8], død [9/4-1941](#), gravl 21/4 s.å. **Bernt** døydde [6/11-1924](#), gravl 17/11 s.å., **Maren** [C4](#) døydde [8/11-1934](#), gravl 15/11 s.å.

Andreas Alfred [C5](#) starta ekteskap med **Dina Bolstad** [28/1-1912](#)[#1]. Ho var fødd i **Vallid** 21/9-1888, dpt [6/1-1889](#)[#2] og konfirmert [12/6-1904](#)[#5]. Ho var dotter til **Ole Pedersen Bolstad** frå **Åmot** i Østerdalen og **Else Birgitte Hansdtr** frå **Ørjedal**. **Dina** og familien finn vi ved [FT1900](#) i **Vallien** gnr 22/1 i Hattfjelldal. Ved [FT1910](#) finn vi **Dina** som tenar hjå storebroren **Torgeir**, i **Bjørnålien** i Vefsn. Bror til **Dina**, **lærer Peter Bolstad** vart innvald til «Nordlandsbenken» på **Stortinget 1916-1918**. Han høyrde til «Det norske Arbeiderparti». «*1900-tallet i Hattfjelldal*» seier Bolstad vart innvald i 1915.

Så tek eg nok eit sidesprang, denne gongen for å sjå på gardsnamnet **Bolstad**. «*Norske Gaardnavne*» syner **10 gardar** med namn **Bolstad**, i **Høland**, Åmot og **øvre Rendal** i Østerdalen, Fåberg, **Vågå** i Nord Gudbrandsdal, **Øystre Slidre** i Valdres, **Luster** og **Vik i Sogn**, **Stryn** i Nordfjord og Ulvik i Hardanger. – «*Gamle Personnavne i norske Stedsnavne*» side 46 (O Rygh) syner berre Bolstad i Ø Slidre som gardsnamn der mannsnamnet **Bolli** er opphav (**Bollastaðir*). Dei andre gardsnamna ser ut til å koma av «*Bólstaðr* m., Bosted, eller i Flt. Bólstaðir».

Eg har funne tre born som har **Dina** og **Andreas Alfred** ^{C5} til foreldre: **Audun Asgeir** ^{C51} **Vollan** f 19/9-1912, dpt [18/4-1913](#)[#3], konf [24/6-1928](#)[#11]. Han døydde [20/9-1979](#), gravl 26/9 s.å på Susendal nye gravplass. Han er gravlagd saman med **Bergljot Erlandsen** (^{F81}), f [Krutvatnets Fjeldstue](#) 28/5-, dpt [7/6-1912](#)[#4], konf [19/5-1927](#)[#9], død [16/9-2002](#), gravl 24/9 s.å. Audun og Bergljot var tremenningar.

Olaug Elise ^{C52} gifta seg òg med tremenning - og svoger; **Johan Oddmund Erlandsen**. Bryllaupet sto [1/11-1941](#)[#14]. **Olaug** var f på Vollan 8/2-, dpt [27/9-1914](#)[#11], konf [18/5-1930](#)[#5], død [14/8-1994](#), gravl 19/8 s.å. **Johan** f Fjeldstuen, Krutvatn 27/12-1916, dpt [9/4-1917](#)[#2], konf [8/5-1932](#)[#12], død [9/5-1997](#), gravl 16/5 s.å.

Sverre Kristoffer ^{C53} f Vollan 14/12-1917, dpt [9/6-1918](#)[u nr], konf [28/5-1933](#)[#5], død 27/8-2005, gravl 2/9 s.å. – Dei tre syskena og ektefellene kviler på Susendal nye gravplass.

Maren Sofie ^D fann seg brudgom frå Romsdalen. **Trond Pederson** var fødd 23/9-1840 i [Kjorsvig](#) i Vågøy sokn i [Agerø](#) (Aukra) prgj. i Romsdalen. Han var heimedøpt av *klokker Peder Andersen* og heimedåpen vart stadfesta i [Vågøy kyrkje](#) [24/10-1840](#)[#18]. Foreldra er skrivne [Peder Tronsen](#) og [Marit Halvorsd.](#) Kva slag reiserute **Trond** hadde fylgt for å koma til Hattfjeldal skulle vore moro å fått festa til kartet. – **Maren** ^D og **Trond** gifta seg [15/1-1871](#)[#1].

Dei fekk sønene **Peder Elias** ^{DI} f 28/7-, dpt [1/10-1871](#)[#32] og **Edvin Theodor** ^{D2} f 23/6-, dpt [7/9-1873](#)[#32]. Etter dette forsvinn familien mellom fingrane på meg – som [ånder i ein fillehaug](#).



Utsnitt av biletet «[Krutådalen fjellstue - no-nb digifoto 20151009 00038 NB MIT FNR 05094.jpg](#)»

Oline Marie ^F gifta seg [26/12-1870](#)[#8] med **Johan Martin Erlandsen**. Han var son til «*stolmagermester*» [Johannes Erlandson](#) og [Anne Maria Lorentzdr.](#), fødd i Trondheim 20/9-, dpt i Nidarosdomen [2/11-1845](#)[#192]. De finn ein fyldig artikkel om «[Maihaugsnikkaren](#)» [Johannes Erlandsen](#) og sonen, fjellstovemannen [Johan Martin J Erlandsen](#) hjå «[bredebygden.com](#)» - samt ein [GENIprofil](#).

Eg tek likevel med litt frå kyrkjebøkene - **Oline** ^F og **Johan** hadde mange born: **Erik** ^{F1} fødd i Pantdalsli 11/4-, dpt [30/4-1871](#)[#14], konf [22/5-1887](#)[#6], gift [31/3-1902](#)[#1] med **Elise Dorthea Matisdr.**, dotter til [Mathis Jacobson Sørdal](#) og [Brynhild Olsdr.](#) **Elise** var f i [Sørdal](#) 8/3-, dpt [29/6-1879](#)[#12], konf [29/4-1894](#)[#8]. Det er notert attåt konfirmasjonen at det vart «*Udst udf.att 6/10-10*» Det syner seg at familien då [flytta til Vefsn](#)[#13-16]. Det ser ut til at **Erik** ^{F1} og **Elise** hadde borna **Johan Mathias** ^{F11} f Krutaa 24/7-, dpt [21/9-1902](#)[#9]. **Borghild** ^{F12} f Krutaa 4/12-, dpt [27/12-1903](#)[#14]. **Egil** f og død [22/12-1907](#)[#13].

Familien vart registrert på Krutaadalens Fjeldstue ved [FT1891](#) (#31 under 98a), [Husliste](#), Personskjema [f.o.m](#) – [t.o.m](#). Same bustad er notert ved [FT1900](#) og [FT1910](#).

Johan Martin Erlandsen, *Fjellstovemann h.v.* døydde [27/4-1926](#)[#5], gravl/jordf. 3/5 s.å. **Oline Marie** ^F døydde [12/11-1935](#), gravl 17/11 s.å. Dei kviler på Hattfjeldal gamle gravpl.

Johannes ^{F2} f Pantdalsli 11/4-, dpt [30/4-1871](#)[#13], konf [22/5-1887](#)[#5], gift [10/4-1904](#)[#1] med **Nikoline Marie Andersdr** Aakervik. Ho var f i «*en Skovstue*» 2/4-, dpt [28/4-1878](#)[#10]. Ho var dotter til *skovdriver** [Anders Mathias Monsen](#) og [Anne Christine Johannesdr.](#) [FT1891](#) og [FT1900](#) plasserer **Johannes** på Krutaadalens Fjeldstue, [FT1910](#) syner familien busett i Krutaagen. Dottera **Odlaug** ^{F21} kom til verda i Aakervik 13/4-, dpt [18/9-1904](#)[#17], sonen **Arne Andreas** ^{F22} 21/11-1905, dpt [7/1-1906](#)[#1], død [1/2-1952](#), og **Erling Johan** ^{F23} f 12/11-, dpt [26/12-1909](#)[#15], konf [10/5-1925](#)[#10], død [3/6-1980](#), gravl 12/6 s.å. - gift [2/10-1942](#)[#11] med **Haldis Emelie Mekalsdr** Krutå. **Aslaug** ^{F24} f 12/5-, dpt [16/7-1911](#)[#6], død [7/5-1984](#). **Johan Marcelius** ^{F25} f 4/3-, dpt [25/4-1915](#)[#3], konf [18/5-1930](#)[#4], død [23/9-1998](#), gravl 29/9 s.å. **Magne** ^{F26} f [19/5-1916](#)[#5], heimedpt., død (*medfød svagهد*) [25/5-1916](#)[#6], gravl 28/5- og jordfesta 12/6 s.å. – **Johannes** ^{F2} døydde [24/4-1848](#), gravl 30/4 s.å. **Nikoline Marie** døydde 4/4-1964, gravl 9/4 s.å.

* *skovdriver* – Eg går ut frå at ein her meiner tømmerhoggar, ikkje [skov-driver](#) etter definisjonen i «[ordnet.dk](#)»

Anna ^{F3} f 23/11-, dpt [26/12-1872](#)[#35], konf [21/5-1888](#)[#3]. **Sverre** ^{F4} f Pantdalsli 21/12-1873, dpt [4/1-1874](#)[#2], konf [26/5-1889](#)[#5]. **Emma** ^{F5} f Pantdalsli 22/3-, dpt [23/4-1875](#)[#11] -ho vart teken hand om av **Elen Susanna** ^J. **Harald** ^{F6} fødd «i en Skovstue ved [Unkervandet](#)» 24/12-1876, dpt [28/1-1877](#)[#2], konf [15/5-1892](#)[#2]. **Alfred** ^{F7} f Tuven 28/6-, dpt [4/8-1878](#)[#23]. **Jørgen Olaus** ^{F8} f Tuven 15/8-, dpt [10/10-1880](#)[#23], konf [17/5-1896](#)[#9]. **Edvin Mat-hias** ^{F9} f Tuven 11/4-, dpt [9/7-1882](#)[#13], konf [23/5-1897](#)[#14]. **Hilda Sofie** ^{FA} f Krutaadal 11/6-, dpt [20/7-1884](#)[#9], konf [22/5-1899](#)[#3] (Notert: attest 10/5-1920). **Einar** ^{FB} f Krutvand 25/2-, dpt [26/4-1886](#)[#5], konf [19/5-1901](#)[#10]. **Inga Jørgine** ^{FC} f Krutvand 9/11-1888, dpt [7/4-1889](#)[#3], konf [12/6-1904](#)[#3], død [18/1-1967](#), gravl 25/1 s.å.

Jørgen Olaus ^{F8} gifta seg i Hattfjeldal [30/4-1911](#)[#3] med **Anne Marie Andersdtr** f [Åkervik](#) 10/3-, dpt [12/4-1885](#)[#4], konf [20/5-1900](#)[#2]. Ho var dotter til gbr. [Anders Mathias Monsen](#) og [Anne Kristine Johansdtr](#). Ho er busett saman med foreldre og sysken på Heimigaard(Aakervik) løpenr 238a(75) ved [FT1891](#) ([Husliste](#)), Personskjema [f.o.m](#) – [t.o.m](#). - og Aakerviken gnr 74/1 ved [FT1900](#) og [FT1910](#).

Anne Marie og **Jørgen Olaus** ^{F8} fekk borna **Bergljot** ^{F81} f 28/5-, dpt [7/7/1912](#)[#4], konf [19/5-1927](#)[#9]. **Bjarne** ^{F82} f 14/10-1913, dpt [5/4-1914](#)[#4], konf [24/6-1928](#)[#6]. **Sverre** ^{F83} f [kvinne](#)dagen 8/3-, dpt [18/4-1915](#)[#2], konf [30/6-1929](#)[#11]. **Johan Oddmund** ^{F84} f 27/12-1916, dpt [9/4-1917](#)[#2], konf [8/5-1932](#)[#12]. Alle borna er skrivne med fødestad Krutvatn Fjellstue.

DISgravminner fortel at **Jørgen Olaus** ^{F8} døydde [22/8-1986](#), gravl Hattfjeldal kyrkjegard 26/8 s.å. medan **Anne Marie** døydde [13/9-1969](#), gravl 19/5 s.å.

Bergljot ^{F81} og Audun Asgeir Vollan ^{C51} er nemnde i eit tidlegare avsnitt. – [Tollopssynsmann](#) **Sverre** ^{F83} [Erlandsen](#) gifta seg i Hattfjeldal [19/7-1941](#)[#8] med **Astrid Gunnarsdtr** [Krutå](#), dotter til gbr [Gunnar Kristiansen](#) og [Elen Andersdtr](#), f [Krutaa](#) 31/8-, dpt [22/10-1916](#)[#18], konf [17/5-1931](#)[#18]. Ho døydde [3/11-1992](#), gravl 12/11 s.å. medan **Sverre** ^{F83} døydde 10/3-1997, gravl 18/3 s.å. Ekteparet kviler ved [Dolstad krk.](#) i Mosjøen. - **Johan Oddmund** ^{F84} og **Olaug Elise** ^{C52} [Vollan](#) er òg nemnde tidlegare.



«Nu tiner det av taket og sneen går og går. Guds sol er vendt tilbake og det blir sikkert vår» (H Wildenvey)
Det ser også ut til at reinen har «vendt tilbake» .. foto OHF 2/6-2010

Anton ^H [Erikson](#) fann seg ektemake i nærområdet. [1/10-1876](#)[#6] vart han gift med **Oline Marie Andreasdtr** [Valli](#). Ho **Oline** var fødd i [Valli](#) 3. juledag 1849, dpt [7/4-1850](#)[#23]. Legg vi «[Hattfjeldals Bebyggelse](#) ([Valli](#))» til grunn, hadde ho, tilliks med **Anton**, og foreldre frå [Kristians Amt](#). Foreldra hennar vart ved dåp skrivne [Andreas Larsen](#) og [Birthe Olsdtr](#). M.a. vart ein [Andreas Larsen](#) [Qvisgaardseie](#) f 24/9-1814 konfirmert ved [Seegaard krk](#) i [Snertingdal](#) [28/9-1830](#)[#13]. Det er elles usemje mellom «[Hattfjeldals Bebyggelse](#)» og [FT1865](#) om [Birthe/Berte](#) var fødd i [Fåberg](#) eller [Gausdal](#) prestegjeld.

Oline Marie og **Anton** ^H [Erikson](#) fekk desse borna: **Lars** ^{H1} f [Pantdalsli](#) 1/11-1878, dpt [26/1-1879](#)[#2], konf [29/4-1894](#)[#11]. Dei neste borna er alle fødde i [Ivarsli](#). **Anna** ^{H2} f 24/3-, dpt [25/7-1880](#)[#13], konf [17/5-1896](#)[#8]. **Sigurd** ^{H3} f 1/11-1881, dpt [6/3-1882](#)[#4], konf [22/5-1898](#)[#9]. **Betti** ^{H4} f 16/5-, dpt [16/6-1883](#)[#19], død [30/5-1885](#)[#3], jordfesta 15/7 s.å. **Emil Arnold** ^{H5} f 17/4-, dpt [27/9-1885](#)[#22], konfirmert [20/5-1900](#)[#8]. **Brede** ^{H6} f 9/2-, dpt [26/6-1887](#)[#8], konf [19/5-1902](#)[#3]. **Harald** ^{H7} f 29/5-, dpt [22/9-1889](#)[#11], konf [28/5-1905](#)[#9]. **Eda Aminda** ^{H8} f 27/2-1891, dpt [1/5-1892](#)[#4], konf [10/5-1908](#)[#1]. **Albert Olaus** ^{H8} f 11/1-, dpt [23/9-1894](#)[#13], konf [10/5-1908](#)[#10].

Oline Marie døydde i [Iversli](#) [18/8-1908](#)[#5], gravlagd 24/8 s.å. Enkjemann **Anton Eriksen** [Lie](#) døydde av magesår i [Ivarslid](#) [23/3-1923](#)[#3]. Han vart jordfesta 31/8 s.å.

[Iversli](#) løpenr 238a(35) er bustad for familien ved [FT1891](#), [Husliste#30](#), Personskjema [f.o.m](#). – [t.o.m](#). I [FT1900](#) er bustaden skriven [Ivarslien](#) gnr 28/1 medan [Ivarsli](#) gnr 26/1 er adresse i [FT1910](#).

Lars ^{H1} gifta seg 17/4-1911 i **Vilhelmina** med **Olga Kristine Sundstrøm**. Ho var iflg [sijtj-arne.no](#) f 30/8-1884 på Lövnäs i Vilhelmina. [Alfnilsson.nu](#) skriv at **Lars** ^{H1} døydde 25/11-1969 og at **Olga** døydde 26/10-1964.

Harald ^{H7} gifta seg i [Grane krk. 29/12-1910](#)^[#4] med **Inga Josefine Antonette Paulsen**, f 10/10-1885 på [Fellingfors](#), Vefsn, dpt [8/11-1885](#)^[#21], konf Grane [27/5-1900](#)^[#7]. Ho var ved [FT1910](#) busett på Fellingfors gnr 49/1 i Vefsn herad. Foreldra var gbr [Erik Paulsen](#) og [Kathrine Helmine Jensen](#).

Eg finn desse borna i kyrkjebøkene: **Odd Kristoffer** ^{H71} f 12/11-, dpt [26/11-1911](#)^[#16]. **Eva Antonett** ^{H72} f 7/1-, dpt [1/4-1914](#)^[#1] og en ny **Eva Antonette** ^{H73} f 28/8-, dpt [22/9-1918](#)^[#13].

Harald ^{H7} døydde [11/1-1970](#), **Inga Josefine** døydde [5/5-1973](#). Dei kviler ved Grane krk.

Hjå DISgravminner finn vi at **Albert Olaus** ^{H8} døydde [8/2-1976](#), gravl Susendal nye gravplass 14/2 s.å. – I same grav kviler og **Kristina Sivertsdtr**, død [14/12-1990](#), gravl 21/12 s.å. Ho var dotter til enkjemann, skomakar [Sivert Olson](#) og [Birgitte Kristine Bentsdtr](#), fødd på Fjellbakkmo i Grane 16/5-, dpt Grane krk [19/6-1904](#)^[# 8]. [FT1910](#) plasserer henne på Stormoen, gnr 81/2 i Grane teljekrins, Vefsn.

Elen Susanna ^J finn vi som brur i Vefsn prgj. [11/4-1875](#)^[#2]. Karen som hadde fridd og «[henta ja-ord](#)» var **Bendict Jørgen Svendson**, f på Fagerlid i Vefsn 3/8-, dpt Vefsn prgj [24/9-1853](#)^[#123], konf Vefsn prgj. [1868](#)^[#58]. Ved [FT1865](#) budde han saman med foreldra, *grdm* [Svend Nilsen](#) og [Martha Lavina Pedersdtr](#) i Fagerlien. Når vi kjem ti år vidare, [FT1875](#), er bustaden skriven Fagerlid gnr 238b(23).

[6/4-1886](#)^[#7-10] fekk **Bendikt** f Svendsen Fagerlid f 1853, h(ustru) **Elen** f Eriksen f 1851 samt *hans foreldre* **Svend Nilsen** f 1811 og **Marta Lavina Persdr** f 1809 utflyttingsattest med reisemål Amerika. - Vi finn dei i databasen «*Emigrantar over Trondheim 1867 – 1930*» [Bendik](#), [Elen](#), [Svend](#) og [Martha](#). Dei har og med [Emma Johans](#). ^{FS}, 11 år gamal, dotter til **Oline Eriksdtr / Johan Erlandsen**.

[US Census 1900 for Renville CO.](#), MN syner at **Bendict Svenson** var farmar. Stedottera **Emma Johnsen** (niece) var sydame(Seamstress). Vi finn **Benedict** og **Ellen Swenson** i Renville Co også i [Census 1920](#) ^[#80-81]. – og i [Census 1930](#)^[#24-25]. **Ole Krogstad** var leigebuar både i 1920 og -30.

Findagrave.com syner at **Benedict Svenson** [døydde i 1930](#), **Elen Susanna** [døydde i 1943](#). Dei kviler på [Bird Island City](#) Cemetery i Renville Co., Minnesota.



Foto frå «*Findagrave.com*»

Også i denne stubben har eg hatt «drahjelp» frå [Roy Søftings slektssider](#). GENI har ein [profil med etterkomarar frå Erik Halvorsen/Synnøve Amundsatter](#). «[Hattfjelldalens bebyggelse](#)» kan de finne på nettet. Nettsida «helgetur.net» har ei omtale med [mange fine bilete frå Susendalen](#). Avsnittet om «Gammel-Ivar» spelar vel på det same tema som Mikjel Fønhus nytta i boka «[Køia i Tusterdalen](#)»


Frå Langedal i Bruflat sokn via Nørstelia i Torpa til Kampli i Susendalen



[Langedal, Etnedal](#)



[Nørstelia, Torpa](#)



[Kampli i Susendalen](#)

Vi startar stubben med to oppslag i FT1801 for Aurdal prestegjeld. Fyrst leitar vi opp **Arne Thoresen**. Han er skriven 6 år gamal, «[Frille søn](#)» som bur «*hos moderen*». «*Moderen*» var inderst Jøran Sørensdotter – og dei budde på «[Fladøgaard](#)» (Flatigarden). Ministerialbok nr 6 for Aurdal prgj. fortel at **Arne** vart døypt [1/5-1794](#)^[Hside,3.ovanfrå]. Til «*barnefader*» vart «*udlagt ungd* Thore Arnesen HestekindEÿe». Fadderane høyrde til i Langedal og Granei. Eg vil tru han vart konfirmert ved Bagn kyrkje [2/8-1812](#)^[#34], skriven **Arne Thoresen Soelberg**[\(Solbjør\)](#).

Arne drog ut «[på frieri](#)» og syntest sikkert at jenta var «*ubeskrivelig*», «*søt og nett, uten plett*». Om han tok seg «*i vare for pikens mor*» skal vera usagt. – Mora, faren òg, er nemnde i førre stubb. Dei var Halvord Erikson og Anne Eivindsdotter. Jenta sjølv heitte **Sigri**, ho var fødd i [Hiei](#) (då i Skrautvål sokn) og døypt i [Bruflat kyrkje](#) [27/7-1794](#)^[Hside,6.ovanfrå]. Det er gjerne ho som vart konfirmert i Bruflat krk. [2/7-1809](#)^[#23]. Ho er systera til **Erik Halvorson** i førre stubb, han som kom til Pantdalsli.

Arne og **Sigri** starta ekteskapet i Bruflat kyrkje [26/9-1820](#)^[#19]. Dei er baa notert med bustad «*nordre [Hestekind](#)*» Forlovarar var *gaardmændene Ole Sørensen Byfuglien* og *Elling Aslaksen Bruflat*. Her støyter vi atter på «*Sørensgreina*» i Etnedal. **Arne Toreson** er syskenbarn «*på halv led*» til **Søren Mikkelson** på øvre Tralrud.

Det har gjennom åra vore fleire drøftingar kring desse folka i diverse «slektsfora på nettet». M.a. tema [#59911](#) på Digitalarkivet, «[Sigrid Halvorsdatter](#)» på nettstaden *werelate.org* og «[Kven var Sigrid Halvorsdatter](#)» på DIS Slektsforum.



Bilete frå Langedal 13/8-2007 – foto OHF - [omtale av Langedalgardane](#) i «Norske Gardsbruk Valdres» 1950

Arne og **Sigri** vart foreldre til **Tølleiv** ^A f [Langedal](#)seige 10/9-, dpt Bruflat krk [22/10-1820](#)^[#42], konf [Aamot krk.](#), Torpa [8/10-1837](#)^[#20]. Så kom **Halvor** ^B f [Langedal](#)seige 12/1-, dpt [24/2-1822](#)^[#16], konf Aamodt [8/10/1837](#)^[#17]. **Jøren** ^C f 6/11-, dpt Bruflat [23/11-1832](#)^[#71], konf Aamodt [13/10-1839](#)^[#15]. Ho

vart då skriven *Gjoran Hougelien*. - [Familien flytta i 1826](#)^[#11-15] til Torpa, Nordre Land prgj., der dei vart «*husm under Nørstelien*». Med denne flyttinga kryssa familien også grensa mellom det [vest- og aust-norske dialektområdet](#).

I Torpa aukar familien. **Eivind** (Even) ^D f Nørstelielige 6/10-, dpt [13/11-1825](#)^[#105], konf Aamodt [26/9-1841](#)^[#17]. Den neste guten får eit **uvanleg namn** for ein som har foreldre frå Valdres. Han var f på Nørstelielige 19/4 og vart døypt **Brede** ^E [5/6-1831](#)^[#127], konf Vefsn prgj. [21/6-1846](#)^[#25]. De finn statistikk kring forenamnet **Brede** rett etter denne stubben. - **Berthe** ^G var fødd på Nørstelielige 21/9-, dpt [2/11-1834](#)^[#195], konf Hattfjelldal [22/7-1849](#)^[#96]. Tvillingsystera **Agnethe** ^E, også eit uvant namn i Valdres, ho var fødd og døypt på [same datoar](#)^[#196] som Berthe. (Sjå: [Namnet Agnete](#)). Så langt eg kan sjå er ho ikkje notert gravlagd i Land i tidsrommet 1834-1847.

[10/8-1843](#)^[#33-34] får ungarane **Tollef** og **Halvor Arnesøner Nørstelieliet** utflyttingsattester med reisemål Vefsen i Nordlandene. - [26/5-1843](#)^[#47-51] finn vi at Ægtefl **Arne Thorsen** Nørstelien og hustru **Siri Halvorsdt** samt born **Even Arnesen**, **Brede Arnesen** og **Berthe Arnesd** har fått utferda utflyttingsattester med reisemål *Vevsens præstegjeld i Nordlandene*.

[2/8-1846](#)^[#7] vart **ungkarl Tollef** ^A **Arnesen Nørstelieliet** registrert innflytta i Vefsn prgj. Han kom frå *Lands præstegjeld* og skulle vera *Tjenestedreng* i Pantdalsli i Susendalen

Ministerialbok 820A12 for Vefsn prgj. har [8/8-1847](#)innflyttingsmelding^[#9] for *pigen Goran Arnesdtr* 22 aar - og ^[#10-13] «*husmandsfolk Arne Thoresen og hstr Sigrud Halvorsd med barn Even Arnesen fød 6/10-25, Brede Arnesen f 19/4-31 og Bertha f 21/9-34*». Dei kjem frå Lands prestegjeld og skal busette seg i Susendal. **Jøren** har med attest datert 16/6-1845 frå kyrkjesongar Brager, dei andre har attest frå *Aabell*, datert 26/5-1843. - [Peter Pavels Aabel](#) var sokneprest i Land frå 1833 til 1853.

[Hattfjelldalens bebyggelse](#) fortel at garden **Kampli** vart «*optat av Arne Toresen og hustru Sigrud Halvarsdtr, søster til Erik Halvaresen Pantdalsli – fra Valdres*». - Panteregister nr. 21 ([Hattfjelldal i Alstahaug](#)), Realregister side 36 syner at det vart gjeve *bygselbrev til Peder Mikkelsen mot kår til Arne Thomassens enke tgl 30/9-73*»(1873). Det vart halde delings- og skyldsetjingsforretning 14/10-, tinglyst 16/11-1914

Den «yngre generasjon» av innflyttarane i Susendalen fann seg innan ein tiårsbolck ektefeller i nærområdet. I denne stubben går eg eit steg bort frå det «vanlege, kronologiske familieoppsettet» og tek no for meg familiane etter kvart som eit av syskena giftar seg.

Jøren ^G **Arnesdtr** «*var fyrst i elden, og Jøren fekk løn for strev*». Lat oss òg ta med at Jøren er oppkalla etter *farmora, Jøren Sørensdotter* og *tippoldemora* med same namnekombinasjon Ho gifta seg [15/6-1849](#)^[#8] med **Nils Andreas Larsen**. Eg vel å tru dette er han som vart fødd 23/3-, dpt [3/6-1824](#)^[#35], uekte son til pigen *Moelfrid Peersdatter Fiplingdahl* og ungarl *Lars Nielsen ibid*. Jentenamnet **Jøren/Jorunn** har eg omtala med litt statistikk i «[Førenamn frå her og der](#)», 2009.

Dei borna eg har funne i kyrkjebøkene er alle fødte i [Fiplingdalen](#). Eldst var **Susanne Marie** ^{C1} f 27/9-1848, dpt Hattfjelldal [14/7-1849](#)^[#81], konf [3/7-1864](#)^[#20]. **Lukas Andreas** ^{C2} f 24/1-, dpt [4/7-1852](#)^[#92], konf [14/7-1867](#)^[#27], emigrerte via Trondheim til [Lansing, Iowa 17/4-1872](#). **Mariana** ^{C3} f 21/1-, dpt [1/7-1854](#)^[#96], konf [7/6-1868](#)^[#51]. **Nils Andreas** ^{C4} f 1/3-, dpt [13/7-1856](#)^[#83], konf [9/7-1871](#)^[#26]. **Anne Oline** ^{C5} f 11/5-, dpt [17/7-1858](#)^[#69], konf [29/6-1873](#)^[#55]. **Ole Andreas** ^{C6} f 21/4-, dpt Grane [5/8-1860](#)^[#94], død av *halsesyge* ^{**} [21/9-1863](#)^[#89], gravlagd Grane 4/10 s.å. **Jørgine** ^{C7} f 17/2-, dpt Hattfjelldal [29/6-1862](#)^[#26], konf [8/7-1877](#)^[#60]. **Oleanna** ^{C8} f 6/2-, dpt [7/5-1865](#)^[#49], konf Hattfjelldal [9/5-1880](#)^[#3]. **Bendigt** ^{C9} f 13/11-1868, dpt [14/3-1869](#)^[#21], konf Grane [18/5-1884](#)^[#2].

* Det er skrive Nils A Nilsen, han lever og vert konfirmert 1871. Det var truleg Ole Andreas, 3 år gml., som døyde.

** 32 born døyde i Vefsn og 6 i Hattfjelldal i 1863. Meyers framandordbok nemner «[Trondhjemske Halsesyge](#)».

[FT1865](#) syner familien busett i Stor-Fiplingdal løpenr 93 i Vefsn prgj. **Jøren** ^C døyde [25/4-1871](#)^[#26] og vart jordfesta 14/5 s.å. **Nils** gifta seg oppatt med **Berit Saksedtr** [25/2-1872](#)^[#6]. Ved [FT1875](#) budde **Nils Andreas** ^{C4}, **Anne Oline** ^{C5}, **Jørgine** ^{C7}, **Oleanna** ^{C8} og **Bendigt** ^{C9} heime hjå faren og stemora. **Nils-** (64 år) og **Berit-** (52 år) **Feplingdal** reiser frå Trondheim 19/9-1888 med skipet Hero. Reisemålet var [Woodville, Wisconsin](#) og billettane var betalte i Amerika. -

Lukas Andreas ^{C2} finn vi [17/4-1872](#) som emigrant frå Trondheim med reisemål [Lansing, Iowa](#). **Oleanna** ^{C8} reiste frå Trondheim [17/7-1882](#). Ho hadde *tikkett* til [Baldwin, WI](#). **Bendigt** ^{C9} starta også turen frå Trondheim. Han reiste med skipet Juno 11/8-1886. Reisemålet hans var [Byron, Minnesota](#).

Nils Andreas ^{C4} gifta seg i Grane krk [1/3-1885](#)^[#2] med **Lovise Marie Andersdtr**. Ho vart fødd i Fiplingdalen 3/6-, dpt i Vefsn prgj. [26/8-1860](#)^[#128] og konfirmert [11/7-1875](#)^[#54]. Foreldra hennar var


ungkar Anders Mathias Olson LilleFiplingdal og Berit Saxexdtr Forshaug. **Lovise Marie** og **Nils Andreas** ^{C4} vart foreldre 9/3-1886. Guten vart, i Grane krk., døypt **Johan Lund** ^{C41} 4/5-1886[#8]. Godt og vel eit år etter, ekspedisjonsdato 30/11-1887 (1,2,3), finn vi at familien har «*Bill. bet. i Amerika*» med Guion Line, skipet Domino frå Trondheim – reisemålet var New York.

Anne Oline ^{C5} starta ekteskap med **Arnt Olsen Solstad** 16/5-1880[#3]. Ved konfirmasjonen hans, 9/6-1871[#27] er skrive at han var fødd ved *Fiplingvandet* 30/4-1855 og dpt 17/6 s.å. - *Arbeidsmand Arnt* og *Anne* vert «ekspedert» 20/7-1880 i Trondheim. Dei har billetter med «feederskipet» DS Tasso frå Anker Line. Foreldra til Arnt, *skovdriver Ole Olsen* og *Eli Nielsdtr* reiser saman med **Arnt** og **Anne**. Reisemål: Baldwin, Wiscinsin. Det er vel Eli N og Ole O som er gravlagde på Woodside Cemetery i Baldwin, St.Croix Co., WI.

Jørgine ^{C7} sto brur i Grane krk 26/12-1881[#9]. Friaren ho hadde gjeve positivt svar til var inderst **Johannes Hansson**, son til Hans Ingebretsen Bjørkjønnlid og Sigrid Halvorsdtr. Han var f på Trones i Grong 26/3-, dpt 7/7-1857[#6] og konfirmert i Vefsn 29/6-1873[#11]. – **Johannes** og **Jørgine** ^{C7} fekk borna **Susanna Jørgine** ^{C71} f Stor-Fiplingdal 17/11-, dpt Grane 17/12-1883[#19]. **Klara Lovise** ^{C72} f Nordlid 13/11-1884, dpt 1/3-1885[#4]. **Nils Haldor** ^{C73} f 23/6-, dpt 26/7-1889[#10] og **Målfrid Lovise** ^{C74} f 29/9-, dpt 8/11-1891[#17]. Dei reiser frå Trondheim med skipet Hero frå Allan Line 4/5-1892, med reisemål Quebec, bilettane er betalte i «Amerika». Emigrantliste: 1, 2, 3, 4, 5, 6.

Ug(ift) *Arbeiderske Oleanna* ^{C8} Nilsd., 17 år gamal, reiste 17/7-1882 med DS Hero frå Trondheim. Reisemålet var Baldwin, WI og billett var betalt i Amerika. Veslebror **Bendigt** ^{C9} hadde Byron, MN som reisemål då han 11/8-1886 vert ekspedert frå Trondheim. Han var ugift arbeidar og reiste med skipet Juno frå National Line.

Berre to av borna til **Jøren** ^C og **Nils Andreas** vart buande i «gamlelandet». - **Susanne Marie** ^{C1} gifta seg i Grane krk. 21/7-1867[#17] med **Peder/Per Andreas Hågensen**. Han var fødd på Stormoen i Vefsn 24/2-, dpt 13/4-1843[#21], konf 4/7-1858[#35]. Foreldra hans var Haaken Andreas Erikson og Alette M Andersdtr. Ved FT1865 var han tjesestekarl på Grane løpenr 82b i Vefsn prgj. FT1875 syner at **Peder** og **Susanne Marie** ^{C1} då budde i Fiplingkrok lno 238b(15) i Vefsn.



Fiplingkroken, Flyfoto frå «norgeskart.no»

Det ser ut til at dei vart foreldre til to jenter. Eldst var **Lovise Karoline** ^{C11} f 5/6-, dpt Grane krk. 11/7-1869[#78], konf Grane 22/6/1884[#6]. Det er vel ho som reiser frå Trondheim 3/10-1888 med reisemål Byron, MN.

Antonette Jørgine ^{C12} var fødd i Fiplingkroken 18/3-, dpt Grane krk. 6/4-1871[#23], konf 18/4-1886[#7]. Ho gifta seg i Grane krk. 24/10-1890 med **Nils Hansen**, son til Hans Ingebriqtsen Bjørkjønnlid og Sigrid Halvorsdtr., f i Trones kapellsokn, Grong prgj. 4/6-, dpt 5/7-1871[#7], konfirmert Vefsn 18/7-1877[#34]. Lat meg også nemne at Hans Ingebriqtsen var fødd på Revlingen i Ringebu prgj, 10/3-, dpt i Fåvang krk. 31/3-1834[#19] og konfirmert i Fåvang 26/5-1850[#13] (Onshus.no). Sigrid Halvorsdtr var fødd på Messelt i Stor-Elvdal 10/12-1833, dpt i Åmot prgj i Østerdalen 23/2-1834[#3].

Nils Hansen og **Antonette Jørgine** ^{C12} fekk ein stor ungeflokk, alle notert fødde i Kroken/ Fiplingkroken: **Konrad Lund** ^{C121} f 26/6-, dpt 17/8-1890[#8], konf 18/6-1905[#9]. **Petra Sofie** ^{C122} f 10/8- dpt 25/2-1892[u.nr.], konf 12/6-1910[#12] – Det var notert i ministerialnoka at ho var «*Helseløs siden fødselen*» og kyrkjaturen til konfirmasjonen var hennar «*første reise i livet utenfor Fiplingkroken*». **Hans Sigurd** ^{C123} f 20/7-, dpt 5/8-1894[#15], konf 13/6-1909[#0]. **Egil Helmer** ^{C124} f 29/5-, dpt 16/8-1896[#14], konf 15/10-1911[#10]. **Håkon Andreas** ^{C125} f 20/9-1998, dpt 6/1-1899[#2], konf 15/6-1913[#16]. **Ludvig**

Marius ^{C126} f 20/10-, dpt [11/11-1900](#)[#18], konf [24/6-1915](#)[#8]. **Johan Nikolai** ^{C127} f 13/11-1902, dpt [18/1-1903](#)[#1], konf [3/5-1919](#)[#3]. **Astrid Nilsine** ^{C128} f 29/12-1904, dpt [16/4/1905](#)[#4]. **Ottar Lund** ^{C129} f 15/3-dpt [23/6-1907](#)[#5], konf Hattfjelldal [13/5-1923](#)[u.nr.]. **Borghild Amanda** ^{C12A} f 10/6-, dpt [10/10-1909](#)[#9], konf Hattfjelldal [18/5-1924](#)[#0] og «[attpåklatt](#)» **Petter Sigurd** ^{C12B} f 13/2-, dpt [5/4-1914](#)[#5], konf Hattfjelldal [30/6-1929](#)[#2].

[FT1891](#) fortel at **Antonette** ^{C12}, **Nils** og **Konrad Cornelius** ^{C121} då budde i [Fiplingkroken](#) saman med foreldra hennar, **Susanne Marie** og **Peder Haagensen**. Ved teljingane [FT1900](#) og [FT1910](#) var bustaden Fiplingkroken gnr 69/1&2 i Vefsn herad.

Hjå finn vi at **Antonette Jørgine** ^{C12} døydde i Fiplingkroken [28/6-1917](#)[#4], gravl 30/6 s.å. DISgravminner syner at **Nils Hansen Kroken** døydde [21/9-1947](#). Dei kviler ved Grane krk.



Grane Kirke, Øvre Vefsn
Frå nettsida «[gamle bilder i midten](#)» - postkort – bilete frå tidleg 1900-talet

Konrad Lund ^{C121} gifta seg i Grane krk. [3/7-1914](#)[#2] med **Anna Regine Andreasdr**, dotter til *gaardsdren* **Andreas Greger Andersen** og **Olea Nikoline Olsdr**, f Lille Fiplingdal 23/3-, dpt Grane [26/5-1895](#)[#8], konf [12/6/1910](#)[#11]. Dottera, **Ragna Sofie** ^{C1212} vart fødd i Lille Fiplingdal 22/10-, døypt i Grane krk. [27/12-1914](#)[#10], konf Dolstad krk. [9/6-1929](#)[#6], - Gift i Grane [2/6-1934](#)[#0] med chauffør **Ole Mikael Krutnes** f 14/4-, dpt [15/6-1913](#)[#5] i Hattfjelldal.

Hans Sigurd ^{C123} hadde vel «[gjort sine hoser grøne](#)» for **Lovise Olea Larsdr** frå [Klevjemo](#). Ho kom til verda 7/5-, dpt Grane [17/6-1888](#)[#10], konf [7/6-1903](#)[#21]. Foreldra hennar var **Lars M Larsen** og **Marianne(Marit) Jakobsdr**. Ho var å finne saman med foreldra og tre sysken ved [FT1891](#). Ved [FT1900](#) er garden skriven Klovimoen gnr 76/1 medan [FT1910](#) har Kløvimoen. **Lovise** og **Hans** gifta seg i Grane 3. juledag, [27/12-1914](#)[#8]. Dei vart foreldre til **Ruth** ^{C1231} f 23/8-, dpt [10/10-1915](#)[#9], konf Hattfjelldal [18/5-1930](#)[#2]. **Arvid** ^{C1232} f 21/11-, dpt [30/12-1917](#)[#12], konf Hattfjelldal [28/5-1933](#)[#0]. **Agnar** ^{C1233} f 26/10-1922, dpt [3/1/1923](#)[#2].

Eit nytt ekteskap kjem istand mellom Fiplingkroken og Kløvjemo. **Ludvig Marius** ^{C126} gifta seg i Dolstad krk. [3/10-1923](#)[#0] med **Magnhild Larsdr**, syster til svigerinna **Lovise Olea**. Sonen **Odd** ^{C1261} kom til verda på Kløvjemo 3/2-, dpt i Grane krk [30/3-1924](#)[#3]. – Frå DISgravminner finn vi at **Ludvig Marius** døydde [22/10-1991](#), **Magnhild** døydde [21/4-1998](#) og **Odd** døydde [7/5-2007](#). Dei kviler alle tre ved Grane kyrkje.

Johan Nikolai ^{C127} **Kroken** finn vi hjå DISgravminner med dødsdato [23/4-1947](#). Under same gravstein kviler **Borghild Kroken**. Ho var fødd på [Gryteselv](#) i Hattfjelldal 15/4-, dpt [28/6-1908](#)[#4], konf [13/5-1923](#)[#1]. [FT1910](#) syner henne saman med foreldra, **Peder Benjamin Pedersen** og **Anna Marie Larsdr**, busett på Gryteselv gnr 84/1 i Hattfjelldal. **Borghild** døydde [26/10-2002](#). Dei er gravlagde ved Grane krk.

Mariana ^{C3} hadde gifta seg i Grane [11/2-1883](#)[#1] med **Helmer Julius Hansen**. Han var f 12/4-1854 i Trones sokn, Grong prgj, på trøndsk side av fylkesgrensa, døypt i Trones kapell [13/7-1855](#)[#8]. og konfirmert i Vefsn [29/6-1883](#)[#11]. - ein eldre bror til svograne, før nemnde **Nils Hansen** og **Johannes Hansen**, ektemannen til **Jørgine Nilsdr**(dotter til **Jøren Arnesdr**).

Helmer og **Mariana** vart i alle fall opphav til ni born: **Signe Jørgine** ^{C31} f 11/5-, dpt [8/7-1883](#)[#15], konf [5/6-1898](#)[#10]. **Hans Nikolai** ^{C32} f [Tømskardlid](#) 9/2, dpt [6/4-1884](#)[#4], konf [27/5-1900](#)[#1]. **Helga Marie** ^{C33} f [StorFiplingdal](#) 11/3-, dpt [8/7-1887](#)[#15], konf [29/6-1902](#)[#1]. **Lovise Karoline** ^{C34} f 24/5-, dpt

23/6-1889[#7], død 18/3-1890[#1]. **Leif Konrad** ^{C35} f 9/4-, dpt 14/6-1891[#13], konf 9/6-1907[#2]. **Nils Jørgen** ^{C36} f 23/6-, dpt Hattfjelldal 3/9-1893[#12], konf Grane 13/6-1909[#0]. **Inge** ^{C37} f 22/6-, dpt 21/7-1895[#8], konf Dolstad krk. 12/6-1910[#0]. **Karl Otar** ^{C38} f 15/8-, dpt Grane krk. 31/10-1897[#7], konf Hattfjelldal 25/5-1913[#3] (då budde han hjå skyldfolket sitt i [Valmåsen](#)). Yngst var **Modolf** ^{C39} f Stor-Fiplingdal 23/8-1899, dpt Grane krk. 18/3-1900[#2], konf 27/6-1915[#9].

Ved [FT1891](#)[#15] finn vi familien i StorFiplingdal lno 93, [Husliste](#), Personskjema [f.o.m](#) – [t.o.m.](#) [FT1910](#)[#017-024] plasserer familien som bygsselfolk i Fiplingdal store gnr 71/1 i Vefsn. Her vart dei og registrerte ved [FT1910](#).

I alle fall tre av syskena utvandra. **Hans Nikolai** ^{C32} reiste i 1903 frå Trondheim og hadde [Baldwin Wisconsin](#) som reisemål. **Helga Marie** ^{C33} hadde «*Bill. bet. i Amerika*» med [Cunard Line](#) og utreisedato frå Trondheim var 24/1-1907. **Modolf** ^{C39} vart skriven «*ug(ift) Grubearbeider*» då han 18/5-1927 reiser med [Skandin\(avia-Amerika?\) linje](#) frå Trondheim via Oslo med Canada som reisemål.

Signe Jørgine ^{C31} gifta seg 27/1-1907[#1] med **Ole Johan** (Olsen) **Krutaa**, son til gbr. **Ole Benjamin Mikkelsen** og **Johanne Marie Jacobsdtr.** Han var f 20/4-, dpt 30/7-1882[#21], konfirmert 23/5-1897[#3]. Ved [FT1910](#) budde dei i Fiplingdal store gnr 71/1 i Vefsn. Dei hadde då to born, **Osvald Sigurd** ^{C311} f 8/5-, dpt 28/7-1907[#6] og **Magna Johanna** ^{C312} f 27/1-, dpt 3/7-1910[#5]. Ein [GENIprofil](#) fortel at **Magna** var gift med **Olav Botn** 13/6-1912 – 26/8-1977. DISgravminner syner at **Magna** døydde 31/5-1991, gravl 6/6 s.å. Dei er gravlagde på Gruben øvre gravplass i Rana.

Leif Konrad ^{C35} møtte vi tidgare, i stubben om [familien på øvre Tralrud](#). Han gifta seg 26/11-1916[#6] med **Ingeborg Anna Haagensdtr** f 19/4-, dpt 27/9-1891[#10], konf 12/5-1907[#2]. - **Leif og Ingebor Anna** ^{B12} vart foreldre til **Haldis Marie** ^{B121} f Fiplingdal 31/12-1917, dpt Hattfjelldal 16/6-1918[#6], død 22/3-2002.

Sigbjørg Larsdtr var namnet til jenta **Nils Jørgen** ^{C36} gjekk inn i ekteskap med. Bryllaupet fann stad i Dolstad krk. 7/2-1919[#0]. **Sigbjørg** var dotter til **Lars Mathias Olson** og **Elen Marie Nilsdtr**, f 21/7- dpt Grane krk. 28/8-1899[#7], konf 7/6-1914[#16]. Ho budde i [Fagerlien](#) gnr 75/2 i Vefsn ved teljiigane 1900 og 1910. - **Nils Jørgen** ^{C36} og **Sigbjørg** hadde borna **Lilly Elise** ^{C361} f 16/1-, dpt 14/3-1920[#3]. **Henry Martin** ^{C362} f 26/1-, dpt 31/7-1921[#11]. **Hjördis Nilsine** ^{C363} f 20/4-, dpt 3/6-1923[#7]. **Trygve** ^{C364} f 5/12-1924, dpt 15/3-1925[#1]. **Sigrun Nilsine** ^{C365} f 30/6-, dpt 31/10/1926[#16] og **Steinar** ^{C366} f 22/1-, dpt 6/4-1928[#2].

Inge ^{C37} starta ekteskap i Grane krk. 4/2-1919[#2]. Kona hans, **Jørgine Emilie Larsdtr** var fødd på Kløvjemo 1/11-, dpt Grane 4/12-1892[#13], konf 31/3-1908[#7]. Ho var dotter til gbr, skysstasjonshaldar **Lars Mikal Larsson** og **Marit Jakobsdtr.** Ho var registrert på Klovimoen ved teljingane i 1900 og 1910. **Jørgine** og **Inge** var foreldre til: **Marit Marianna** ^{C371} f Kløvjemo 17/11-, dpt 18/12-1921[#12]. **Agnar** ^{C372} f 20/8-, dpt 16/9-1923[#11]. **Hallvar** ^{C373} f [Bratteng i Grane](#) 20/4-, dpt 12/6-1927[#6]. **Ally** ^{C374} f 19/2- dpt 27/10-1929[#15]. – Frå DISgravminner finn ein at **Jørgine** døydde 10/9-1883 og **Inge** ^{C37} døydde 14/12-1991. Ektefolka er gravlagde ved Grane kyrkje.

Halfrid Olsen vart kona til **Karl Ottar** ^{C38} 16/12-1923[#10]. Ho var dotter til gbr, handelsmann **Inge Olsen** og kona **Dina Kristoffersdtr.**, fødd Hattfjelldal 3/2-, dpt 12/3-1905[#2], konf 16/5-1920[#13]. **Hallfrid** døydde 7/7-1951, gravl 13/7 s.å., **Karl Ottar** døydde 8/10-1991, gravl 14/10 s.å. Dei kviler på Hattfjelldal gamle gravplass.



Postkort

Då er det på tide å ta for seg eldstemann – og andremann av syskena til å gifte seg, **Tollef** ^A (Tølleiv) **Arneson**. Han vart skriven med opphaldstad [Valmaas](#) då han var brudgom 16/9-1849[#13]. Ho som sto attåt han i kyrkja var **Lucie Bendictsdtr.**, dotter til **Bendigt Johnsen Hattfjelldal** og **Bereth**

Andersdtr. Forlovarar var Anders Ingebrigtsen Holmen og far til brura. Ho **Lucie** var fødd på Hattfjelldal gard 22/4- dpt i «*Hattfjelldahls Capel*» [24/8-1823](#)^[#35], konfirmert i Vefsn prgj. [1/7-1838](#)^[#8].

Ungeflokken deira var: **Arne Mathias** ^{A0} dpt [15/7-1849](#)^[#83], død [27/2-1851](#)^[#41], jordf. 20/7 s.å. **Anne Marie Kristense** ^{A1} f 23/4-, dpt [20/7-1851](#)^[#91], konf [24/6-1866](#)^[#4]. **Benedict Olaus** ^{A2} f 30/5-, dpt [17/7-1853](#)^[#84], konf [5/6-1869](#)^[#2]. **Simon Kristian** ^{A3} f 25/8-, dpt [9/9/1855](#)^[#113], konf [30/6-1872](#)^[#9]. **Lars Jørgen** ^{A4} f 30/1-, dpt [17/7-1858](#)^[#72], konf [22/6-1873](#)^[#3]. **Brede** ^{A5} f 29/9-1859, dpt [1/4-1860](#)^[#22], konf [17/6-1876](#)^[#3]. **Arne** ^{A6} f 25/9-, dpt [20/10-1861](#)^[#20], konf [4/3-1877](#)^[#5]. **Anders Henrik** ^{A7} f 18/3-, dpt [24/4-1864](#)^[#6], konf [27/4-1879](#)^[#13]. **Tøger Edvin** ^{A8} f 28/4-, dpt [17/6-1866](#)^[#16], konf [26/6-1881](#)^[#10], drukna under tømmerfløyting i Fiske-løsetjern [22/6-1886](#)^[#5], gravl Hattfjelldal 25/6 s.å.

Heile fem av syskena [reiste over «Blåmyra»](#). **Benedict Olaus** ^{A2} hadde 5/7-1872 gifta seg med **Gertrud Nilsdtr.** Ho var f på østre [Sirijord](#) 11/8-, dpt Hattfjelldal [18/9-1852](#)^[#139], konf [21/6-1868](#)^[#6]. Foreldra var [Nils Rollaugsen](#) og [Marit Jensdtr.](#) **Gertrud** og **Benedict** ^{A2} vart foreldre 16/4-1871. Jenta fekk namnet **Elen Nikoline** ^{A22} [7/5-1871](#)^[#15]. Den vesle familien fekk utflyttingsattester [22/4-1873](#)^[#4-6] med reisemål Nordamerika.

Nettstaden «werelate.org» har mange opplysningar om [Benedik Thompson](#) og brørne hans. Her kjem det fram at **Bendik** gifta seg oppatt i USA 28/10-1886 med **Maren Anna Arnesen**. Ho var dotter til [Eivind Arneson/Elen Marie Eriksdtr](#) og såleis syskenbarnet til **Bendik**. Ho var fødd i Fiplingkrojen 8/7-, dpt i Grane krk [12/8-1866](#)^[#110]. *Findagrave* syner at **Bendik** ^{A2} døydde i Knox Co., Nebraska [11/2-1941](#). **Maren Anna** døydde [30/3-1954](#) i Siouc Co., Nebraska. Dei er baa gravlagde på Riverview Cemetery i Knox County.

[Simon Kristian Tollovson Thompson](#) ^{A3} vert og presentert hjå «werelate.org». Han skal ha gifta seg i 1892 med [Borghild Grimstad](#). Ei *Borgil Halvorsdotter* vart f 29/11-1858 og døypt [30/1-1859](#)^[#5] i Nissedal. Vi finn familien i [FT1865](#) på [Trondtveit](#) søndre, lno 96 i Nissedal. Hjå *Findagrave.com* finn vi at **Simon Christian** døydde [6/9-1926](#) og [Borghild](#) døydde [6/7-1950](#). Dei kviler på Westgaard Cemetery, McHenry County, ND.

Tilliks med dei hine brørne finn vi [Lars Jørgen](#) ^{A5} hjå «werelate.org». Han gifta seg i Hattfjelldal [3/1-1883](#)^[#1] med [Maren Oline Johansdtr.](#), dotter til [Johan Kristian Nikolaison](#) og [Ingeborg Johanna Mikkelsdtr.](#) f [Sirijord](#) 30/5-, dpt Hattfjelldal [20/7-1856](#)^[#93], konf [30/6-1872](#)^[#21]. [FT1865](#) plasserer henne på Steinsletten lno 238 i Hattfjelldal. **Lars Jørgen** ^{A5} døydde [9/10-1919](#), **Maren Oline** døydde [11/10-1929](#). Ektefolka vart gravlagde på East Cumberland Cemetery, Barron Co., WI.

Hjå «werelate.org» finn vi også mange opplysningar om - og bilete av [Brede Andreas Tollovson Thompson](#) ^{A5}. Han gifta seg [23/8-1886](#) i *L'Eau Qui Court*, Nebraska med syskenbarnet sitt, [Olava Andrea Eivindsdtr.](#), dotter til [Eivind Arneson/Elen Marie Eriksdtr.](#) **Olava** var f i Fiplingkroken 6/2-, dpt [13/3-870](#)^[#16]. Ho var syster til **Maren Anna**, nemnd to avsnitt ovanfor. Ho døydde [19/3-1950](#). **Brede Andreas** døydde [15/7-1955](#). Dei kviler på Norwegian Cemetery, Perkins Co., SD.

Opplysningane om [Anders Henrik](#) ^{A6} finn vi og hjå «werelate.org». Han gifta seg i Barron Co., WI 18/12-1889 med [Ingeborg Anna Aagensen](#), gift for 2. gong i april 1899 med [Martine Emilia Orgedal](#) (1875-1939). Ho [Ingeborg Anna](#) var f 1/10-, dpt i Hattfjelldal [13/11-1864](#)^[#35], dotter til [Agapetus Nilsen](#) og [Maren Johanna Iversdtr.](#) Ho døydde [19/9-1896](#) i Barron Co., WI. *Findagrave* syner at **Anders Henrik** ^{A6} døydde [14/9-1954](#) i Barron Co., gravlagd på East Cumberland Cemetery, Cumberland, Barron Co., WI.



Henta hjå "["werelate.org"/images](#) – Frå venstre: Brede, Lars, Simon og Bendik

Det hadde kome ein [Solung](#) til Hattfjelldalen. Det var **Martin Tørresen** f på [Sparby](#) i Hof prgj 14/10-1841, konf [30/9-1855](#)^[#21]. Foreldra hans var [Tørris Kristiansen](#) og [Sille Ingvaldsdtr.](#) [FT1865](#) for Grong syner **Marthin T Sparby** frå Hof i Solør som *logerende*, yrke: i *Tømmerbrug* – han losjerte på

[Kjøglum](#) løpenr 197, [Høiland](#) sokn i Grong prgj. «[Norske Gaardenavne](#)» [skriv dette](#) om gardsnamnet Sparby.

«Solungen» gjekk nok snøgt på friarføter etter at han kom til Hattfjellidal. **Anne Marie Kristense** [A1](#) og **Martin Sparby** starta ekteskap [24/5-1871](#)^[#3], då var fyrste barnet halvanna år gamal. Guten var fødd på Valmås 9/10-1868, dpt **Tøris Christian** [A11](#) [26/3-1869](#)^[#5], konf [18/5-1884](#)^[#8]. **Tollef** [A12](#) vart f 2/10-1871, dpt [28/1-1872](#)^[#3], konf [21/5-1888](#)^[#11]. **Laura Sofie** [A13](#) f 21/8, dpt [14/9-1873](#)^[#33], konf [26/5-1899](#)^[#13]. **Karen Anna** [A14](#) f 25/1-, dpt [25/3-1875](#)^[#5], konf [18/5-1890](#)^[#8]. **Maren Anna** [A15](#) f 25/5-, dpt [14/7-1878](#)^[#15], død (Skarlagensfeber) [27/10-1881](#)^[#9], gravl 5/11 s.å. **Beret Ingia** [A16](#) f 10/5-, dpt [18/7-1880](#)^[#10], død (Skarlagensfeber) [31/10-1881](#)^[#10], gravl (same dag som broren) 5/11 s.å. **Martin Breder** [A17](#) f 31/1-, dpt [27/2-1882](#)^[#3], død (forkjølelse) [7/9-1884](#)^[#8], gravl 11/9 s.å. **Maren Anna** [A18](#) f 4/12-, dpt [30/12-1883](#)^[#30], konf [22/5-1899](#)^[#10]. **Martin Andreas Brede** [A19](#) f 29/11-1885, dpt [17/1-1886](#)^[#1], konf [19/5-1901](#)^[#15]. **Thora Cecilie** [A1A](#) f 1/8-, dpt [14/10-1888](#)^[#15], konf [12/7-1903](#)^[#10]. Til sist kom **Arnt** [A1B](#) f 17/6-, dpt [9/8-1891](#)^[#12], konf [10/6-1906](#)^[#13].

Familien vart ved [FT1891](#) registrerte på Valmåsen lno 238a(53) i Hattfjellidal. [Husliste](#). Person-skjema: [1,2,3,4,5,6,7,8,9](#). Husfaren er nemnd Gaardbruger ([Leilending](#)) og [Postfører](#). [FT1900](#) og [FT1910](#) syner familien busett på Valmåsen gnr 43/1 I Hattfjellidal. - **Martin Sparby** døydde i Valmås [24/3-1920](#)^[#2] og vart gravlagd ved Hattfjellidal krk. 31/3 s.å. **Anne Marie** [A1](#) døydde i [1942](#), gravl 1/5-1942.

Ugift arbeidsmann **Tøris Christian Sparby** [A11](#) reiste frå Trondheim med skipet [Tasso](#). Billetten var betalt i Amerika og ekspedisjonsdato var 11/10-1893. Ein [GENIprofil](#) fortel at han døydde 1/11-1950 i Minneapolis. Her får vi også vita at han i USA var gift med sambygdingen **Emilia Maria Nilsdtr**, dotter til **Nils Nilsen** og **Elen Marie Bendiksdtr**, f Unkervatn 26/8-, dpt [11/9-1859](#)^[#119], konf [28/6-1874](#)^[#13]. Ho døydde iflg. GENI og Findagrave i [1932](#) og vart gravl. på [East Cumberland Cemetery](#), Barron Co., WI

Tollef [A12](#) vart sonen som tok over som gardbrukar på Valmåsen. [Panteregister nr. 21](#) syner at han fekk skjøte 21/4-1920, tgl 21/6 s.å.. Bruket var skyldsett som gnr 43/2 den 3. oktober 1919. **Tollef** skjøter bruket vidare til sonen **Martin** [A124](#) 29/12-1938, tgl 7/2-1939

Else Kristine var dotter til husmannsfolka **Ole Jakobsen** og **Anna Kirstine Pedersdtr**. Ho var f på [Finnsås](#) i Grane 10/8-, dpt i Grane krk. [9/9-1866](#)^[#128] og konfirmert i Grane [9/7-1882](#)^[#3]. Ho gifta seg med **Tollef** [A12](#) i Hattfjellidal krk. [3/7-1898](#)^[#2]. Dei vart foreldre til: **Anne Marie** [A121](#) f 27/11-1898, dpt [15/1-1899](#)^[#2], konf [10/5-1914](#)^[#3]. **Alfa Olea** [A122](#) f 18/3-, dpt [22/4-1900](#)^[#3], konf [2/5-1915](#)^[#4]. **Tollef Elias** [A123](#) f 24/8-, dpt [16/11-1902](#)^[#12], død [23/3-1915](#)^[#3], jordfesta 27/3 s.å. **Martin Johan** [A124](#) f 22/9-, dpt [6/11-1904](#)^[#9], konf [16/5-1920](#)^[#11]. **Astrid Pauline** [A125](#) f 12/10-1907, dpt [5/1-1908](#)^[#1], konf [10/5-1925](#)^[#15]. - Familien var ved [FT1900](#) og [FT1910](#) registrert på Valmåsen gnr 43/1 I Hattfjellidal.

Hjå DISgravminner set vi at **Else Kristine** døydde [8/5-1938](#), gravl 30/5 s.å medan **Tollef** [A12](#) døydde [11/12-1947](#), gravl 18/12 s.å. Dei kviler på Hattfjellidal gamle gravplass. - **Astrid Pauline** [A125](#) døydde (lammelse) [13/4-1931](#), gravl [20/4](#)^[#2] s.å. **Anne Marie** [A121](#) døydde [1/5-1961](#), gravl 8/5 s.å og **Martin Johan** [A124](#) døydde [22/6-1999](#), gravl 30/6 s.å.

Alfa Olea [A122](#) gifta seg [7/1-1934](#)^[#1] med **Johan Jakobsen**. Han var f på [Gardsmark](#) 15/10-1905, dpt [28/1-1906](#)^[#3], konf [16/5-1920](#)^[#8]. Foreldra var dreng **Jakob Johansen** og **Sandra Amalie Jonsdtr**. **Johan** og **Alfa Olea** [A122](#) hadde fått dottera **Tordis Eline** [A1221](#) f 19/1-, dpt [7/4-1929](#)^[#5].

DISgravminner fortel at **Johan** døydde [2/5-1965](#), gravl 7/5 s.å.; **Alfa Olea** [A122](#) døydde [10/5-1991](#), gravl 21/5 s.å. – og **Tordis Eline** [A1221](#) døydde [25/5-2003](#), gravl 3/6 s.å. Ho deler gravstein med **Ole Parelius Normann** 27/3-1919 – [5/3-2005](#), gravl 11/3 s.å. Han er nemnd i ein [GENIprofil](#). Her kan nemnast at **Tordis Eline** vart åttemenning med stubbskrivaren.

Laura Sofie [A13](#) fekk 7/4-1898 ei dotter som [8/5 s.å](#)^[#4] fekk namnet **Bergithe Maria** [A131](#). Faren var «*Lapgut*» Peder Johan Klemmetsen. **Laura Sofie** [A13](#) gifta seg [20/5-1909](#)^[#3] med prestegardspaktar **Sigvart Hoff**. Han var f 1/2-, dpt Hattfjellidal [19/2-1882](#)^[#2], konf Rødøy [10/7-1898](#)^[#2]. Han var son til [kyrkjesongar](#) **Ole Larsen Hoff** og **Maren Johanna Iversdtr**. Ved [FT1900](#) budde dei i Solberg gnr 1/4 i Hattfjellidal. - **Sigvart** og **Laura Sofie** [A13](#) vart foreldre til **Ole** [A131](#) f 26/4-, dpt [12/6-1910](#)^[#10], konf [10/5-1925](#)^[#3] og **Martin** [A132](#) f 23/5-, dpt [16/7-1911](#)^[#9], konf [16/5-1926](#)^[#2], død [21/11-1996](#), gravl 29/11 s.å.

Laura Sofie [A13](#) døydde [15/9-1924](#)^[#14], gravl 23/9 s.å.; **Sigvart** døydde [21/2-1960](#), gravl 29/2 s.å. – DISgravminner syner at **Ole** [A131](#) døydde [5/7-1982](#), han deler gravstein med **Idun** (Lien), dotter til **Aleksander Johannesson** og **Maren Pedersdtr**. **Idun** var fødd 5/12-, dpt Grane krk. [29/12-1910](#)^[#15], konf [6/6-1926](#)^[#16], død [17/12-1993](#). **Idun** og **Ole** gifta seg i Dolstad krk. [3/6-1933](#)^[#0].

Karen Anna [A14](#) gifta seg [28/10-1900](#)^[#6] med **Helmer Augustus Halvorson** [BA](#), syskenbarnet til mora. Vi finn dei både ved [FT1900](#)^[#007&008] og [FT1910](#)^[#005&006] busett på [Mekkeljorden](#) gnr 7/1 i

Hattfjelldal. – Hjø DISgravminner ser vi at **Helmer Augustus** døydde [13/9-1951](#), gravl 19/9 s.å. medan **Karen Anna** døydde [17/10-1958](#), gravl 24/10 s.å.

Martin Andreas Brede ^{A19} gifta seg [17/6-1914](#)[#7] med **Anna Olsdtr Hoff**, syster til svogeren, prestegardspaktar Ole Hoff. **Anna** var f i Solberg 7/6-, dpt Hattfjelldal [29/6-1884](#)[#5], [konf Dolstad krk 15/9-1901](#)[#19]. **Anna** og **Martin Andreas** fekk sonen **Martin Sparby** ^{A191} f **Erikli** i Hemnes 9/12-1917, dpt Hemnes [21/5-1918](#)[#8], død [19/6-2004](#), gravl. 24/6 s.å. - **Anna Olsdtr** døydde [5/5-1947](#), gravl 13/5 s.å. og **Martin Andreas** ^{A19} døydde [26/12-1969](#), gravl 2/1-1970. Dei kviler alle tre ved Dolstad krk.



Kampli – flybilde frå «Norgeskart,no»

Då skiftar vi over til **Halvor** ^B **Arneson** og etterslekta hans. Han gifta [seg 15/9-1850](#)[#18] med **Anne Marie Larsdtr.** Ho var dotter til **Lars Nilsson** og **Molfrid Peersdtr**, f i Fiplingdal 12/9-, dpt [12/10-1828](#)[#93], [konf 7/7-1844](#)[#16].

Anne Marie og **Halvor** ^B vart foreldre til: **Maren Sophia** ^{B1} f Fiplingdal 24/9-1848, dpt [14/7-1849](#)[#113], [konf 14/6-1865](#)[#8]. Dei neste 8 borna vart fødte i **Pantdalsli - Lukas Andreas** ^{B2} f 16/3-, dpt [26/7-1851](#)[#100], [konf 24/6-1866](#)[#9]. **Arne Mathias** ^{B3} f 24/6-, dpt [11/9-1853](#)[#118], [konf 5/6-1869](#)[#1]. **Susanne** ^{B4} f 27/9-1855, dpt [30/3-1856](#)[#15], [konf 17/6-1870](#)[#9]. **Nils Jørgen** ^{B5} f 16/2-, dpt [18/7-1858](#)[#77], [konf 22/6-1873](#)[#2]. **Anna Petrine** ^{B6} f 11/3-, dpt [26/8-1860](#)[#122], [konf 20/6-1875](#)[#15], død [22/12-1889](#)[#4], gravl 4/1-1890. **Jørgine** ^{B7} f 22/4-, dpt [22/6-1862](#)[#21], [konf 4/3-1877](#)[#11]. **Bergitte Marie** ^{B8} f 18/5-, dpt [26/6-1864](#)[#2], [konf 27/4-1879](#)[#2]. **Edvin Olaus** ^{B9} f 25/4-, dpt [24/6-1866](#)[#21], [konf 26/6-1881](#)[#1], død (Tæring) Mikkeljord [12/4-1886](#)[#2], gravl 16/3 s.å. **Helmer Augustus** ^{BX} f Mikkeljord 3/5-, dpt [17/6-1870](#)[#20], [konf 16/5-1886](#)[#2].

Familien vart registrerte i Pantdalsli ved [FT1865](#) og [FT1891](#), [Husliste#4](#), Personsedlar: [f.o.m](#) – [t.o.m](#). - [Holdsmand Halvor](#) ^B **Arneson** døydde på [Mikkeljord 1/3-1898](#)[#1], gravl 8/3 s.å. Føderådskone **Anne Marie** budde på Mikkeljord både ved [FT1900](#) og [FT1910](#). Ho døydde [27/1-1916](#)[#2] gravl 5/2 s.å.

Maren Sophia ^{B1} fann seg ein Torping som ektemake. **Petter Anton Mikkelson** var fødd på **Frøysland**eige i Torpa 18/5-(gravsteinen har 17/5), dpt i Åmot krk [13/6-1841](#)[#93], [konf Åmot 28/9-1856](#)[#23]. Foreldra var **Mekkel Hansson** og **Marte Persdtr.** Ved [FT1865](#) er han *Arbeidsmand* på **Værftstangen**, Namsos ladested. Her var og bror hans, **Hans**, svigerinna **Karen** og dotter deira, **Mathilde**.

Petter Anton og **Maren Sophia** ^{B1} starta ekteskap i Hattfjelldal [1/6-1868](#)[#2]. Dei tre eldste borna vart fødte i Pantdalsli, dei neste åtte i Kampli. – Eldst var **Albertine Marie** ^{B11} f 21/8-, dpt [20/9-1868](#)[#35], [konf 6/5-1883](#)[#3]. **Helene Andrea** ^{B12} f 22/4-, dpt [3/7-1870](#)[#17], [konf 17/5-1885](#)[#1]. **Maren Jørgine** ^{B13} f 19/3-, dpt [17/4-1872](#)[#9], [konf 22/5-1887](#)[#3]. **Mikael** ^{B14} f 11/3, dpt [11/4-1875](#)[#11], [konf 10/5-1891](#)[#8]. **Petra Marie** ^{B15} f 23/5-, dpt [4/8-1878](#)[#20], [konf 7/5-1893](#)[#9]. **Bernt** ^{B16} f 5/9-, dpt [13/10-1880](#)[#22], [konf 17/5-1896](#)[#11]. **Sofie Henriette** ^{B17} f 23/12-1882, dpt [4/2-1883](#)[#5], [konf 22/5-1898](#)[#5]. **Jørgen** ^{B18} f 5/3- dpt [6/4-1885](#)[#4], [konf 20/5-1900](#)[#6]. **Eldrid** ^{B19} f 18/8-, dpr 9/11-1887[#12], [konf 12/7-1903](#)[#5]. **Anna Petrine** ^{B1A} f 28/9-1889, dpt [1/1-1890](#)[#1], [konf 12/6-1904](#)[#4]. **Sigvard Marius** ^{B1B} f 23/6-, dpt [24/7-1892](#)[#13], [konf 12/5/1907](#)[#18].

[FT1891](#) syner familien busett i Kampli løpenr 238a(14) i Susendalen teljekrins, Hattfjelldal. [Husliste](#). Personsedlar [f.o.m](#). – [t.o.m](#). I [FT1900](#) og [FT1910](#) vart gardsnamnet skrive Kampelien gnr 6/1. *Kaarmand* **Peter Anton Mikkelsen** døydde (Hjertefeil) i Kamplid [12/12-1913](#)[#3], gravl. 20/12 s.å. DISgravminner syner at **Maren Sophia** ^{B1} døydde [7/11-1930](#), gravl 18/11 s.å.

Magnus Ingvald Nilsen vart [10/10-1890](#)[#10] ektemannen til **Albertine Marie** ^{B11}. Han var då «*Dreng hos Svigerfaren paa Kamplid*». Han var son til **Nils Andersen** og **Elen Chr. Nilsd** på Krutnes, f 11/5-, dpt [3/7-1867](#)[#14], [konf 27/4-1879](#)[#10]. Dei budde ved [FT1900](#) og [FT1910](#) i **Grolien** gnr 80/1.

Dei hadde borna **Nils Andreas** ^{B111} f Kampli 26/2-, dpt [30/4-1893](#)[#2], [konf 10/5-1908](#)[#6]. **Maren Sofie** ^{B112} f 27/1-, dpt [17/3-1895](#)[#1], [konf 8/5-1910](#)[#2]. **Ellen Kristine** ^{B113} f 17/12-1896, dpt [17/1-1897](#)[#2], [konf 12/5/1912](#)[#2]. **Ane Maria** ^{B114} f 12/7-, dpt [7/8-1898](#)[#11], [konf 10/5-1914](#)[#1]. **Bergitte**

Marie ^{B115} f 9/2-, dpt [9/4-1903](#)[#6], konf [5/5-1918](#)[#3]. **Oline** ^{B116} f 18/1-, dpt [18/3-1906](#)[#4], konf [8/5-1921](#)[#6]. **Peter Anton** ^{B117} f 2/2-, dpt [8/4-1909](#)[#1], død [5/5-1912](#)[#3], gravl 9/5 s.å. - [FT1910](#) syner at dei då budde i Grolien, gnr 80/1. DISgravminner syner at **Magnus Ingvald** døydde [12/3-1958](#) og **Albertine Marie** ^{B11}. døydde [24/4-1958](#), gravl 5/5 s.å.

Helene Andrea ^{B12} «indtraadte i Ægteskab» [6/7-1902](#)[#3] med «dreng paa Bratlid» **Johan Mathias Olsen** f Bratli 25/6-, dpt [9/11-1873](#)[#39], konf [26/5-1889](#)[#6], son til **Ole Olsen** og **Berit Olsdtr.** Borna, alle fødte i Bratli, var: **Olaf Birger** ^{B121} f 4/6-, dpt [26/7-1903](#)[#9], konf [5/5-1918](#)[#3]. **Målfrid Sofie** ^{B122} f 25/7-, dpt [9/10-1904](#)[#18], konf [11/5-1919](#)[#7]. **Borghild** ^{B123} f 24/4-, dpt [15/7-1906](#)[#10], konfirmert [8/5-1921](#)[#2]. **Peter Anton** ^{B124} f 24/9-1907, dpt [12/1-1908](#)[#1], konf [14/5-1922](#)[#5]. **John Haldor** ^{B125} f 26/2-, dpt [10/4-1910](#)[#5], konf [10/5-1925](#)[#6]. Familien budde ved [FT1910](#) i **Bratlien** gnr 33/2 i Hattfjelldal. Frå DISgravminner ser vi at **Johan Mathias** døydde [17/1-1951](#), **Helene Andrea** døydde [26/7-1963](#).

Mikael ^{B14} gifta seg [14/7-1901](#)[#5] med **Marie Sofie Johannesdtr**, dotter til **Johan Nilsen** og **Anne Sofie Andersen**, f **Granmo** i Hattfjelldal 14/10-, dpt [4/11-1877](#)[#14], konf [7/5-1893](#)[#7].

Marie Sofie og **Mikael** ^{B14} fekk dottera **Magnhild Andrea** ^{B141} f i Kampli 15/4-, dpt [29/6-1902](#)[#4], konf [6/5-1917](#)[#12]. **Aslaug Sofie** ^{B142} f Kampli 13/5-, dpt [19/7-1903](#)[#7], konf [5/5-1918](#)[#7]. **Hallfrid Amalia** ^{B143} f 29/10-1905, dpt [18/2-1906](#)[#1], konf [16/5-1920](#)[#13]. **Peter Anton** ^{B144} f 15/9-, dpt [24/10-1907](#)[#12], konf [14/5-1922](#)[#3]. **Johanne Elise** ^{B145} f 8/10-1909, dpt [3/4-1910](#)[#2], konf [10/5-1925](#)[#6]. **Johan Ask** ^{B146} (tvilling med dødfødd jentebarn) f 5/9-, dpt [10/10-1911](#)[#19], konf [16/5-1925](#)[#8]. **Mikal Marius** ^{B147} f 11/5-, dpt [2/12-1917](#)[u nr], konf [28/5-1933](#)[#6]. – Familien budde ved [FT1910](#) i Kampli. Frå DISgravminner finn ein **Marie Sofie** døydde [26/6-1949](#), gravl 1/7 s.å. - og at **Mikael** ^{B14} døydde [27/11-1966](#), gravl 2/12 s.å.

Tjenestedreng **Kristian Jørgen Nilsen**, son til husmannsparet **Nils Pedersen** og **Elen Danielsdtr**, f Dolstad 21/4-, dpt [4/6-1882](#)[#25], konf Hattfjelldal [22/5-1898](#)[#7] gifta seg [16/4-1905](#)[#2] med **Petra Marie** ^{B15}. Dei var ved [FT1900](#) i teneste i Brenna gnr 29/1. Barnet **Anna Pettersdtr** ^{B151} ser ut til å vera dottera som **Petra Marie** fekk 19/5-, dpt [21/7-1895](#)[#10] u.e. med dreng **Peter Andreas Kristiansen**. I ekteskapet kom desse barna til verda: **Nelly Eldbjørg** ^{B152} f 26/7-, dpt [17/9-1905](#)[#11], konf [16/5-1920](#)[#11], **Paula Mathilde** ^{B153} f 8/1-, dpt [24/3-1907](#)[#2], konf [14/5-1922](#)[#5]. **Olga Eline** ^{B154} f 28/6-, dpt [28/7-1912](#)[#11], konf [19/5-1927](#)[#1]. [FT1910](#) syner at familien då var inderstfolk i Brænna gnr 29/1. - **Kristian Jørgen** døydde [30/6-1960](#), gravl 6/7 s.å.; **Petra Marie** ^{B15} døydde [22/4-1970](#), gravl 28/4 s.å.. Dei kviler båe iflg DISgravminner på Hattfjelldal gamle gravplass.

Bernt ^{B16} vart gift [26/12-1905](#)[#6] med **Maren Jørgine Andreasdtr**, dotter til **Andreas Erikson** og **Anna Kristine Johansdtr**, (sjå førre stubb) f på **Vollan** i Susendalen 23/3-, dpt [17/4-1881](#)[#5], konfirmert [17/5-1896](#)[#7] Sonen **Aasmund Berg Nyvoll** vart fødd på **Vollan** 30/1-, dpt [29/3-1908](#)[#3], konf [13/3-1923](#)[#8], død [9/4-1941](#), gravl Susendal 21/4 s.å.

Sofie Henriette ^{B17} finn vi hjå DISgravminnen med dødsdato [23/9-1976](#), gravl 29/9 s.å. Ho deler gravstein med **Aksel Andreas Iversen** f **Uglvand** 21/3-, dpt [1/5-1887](#)[#6], konf [19/5-1902](#)[#6], død [26/6-1971](#), gravl 2/7 s.å.; son til **Iver Iversen** og **Sara Henningsdtr**. Dei budde ved [FT1910](#) på Bukskindmo gnr 39/3 i Hattfjelldal. Dei hadde gifta seg [11/7-1909](#)[#4]. Sonen **Hemming** ^{B171} var f på **Elsvatn** 1/7-, dpt [20/11-1910](#)[#16], konf [16/5-1926](#)[#10], død [15/6-1996](#). **Wilhelm** ^{B172} kom til verda på **Uglevatnet** 27/10-, dpt [24/12-1911](#)[#19], konf [19/5-1927](#)[#4], død [12/3-2001](#). – **Aksel Andreas Iversen** var skriven *Fjellstuemann* og i 1927 *Lapopsynsmand*, bustad var **Harvatsdal**.

Jørgen ^{B18} valde seg etternamnet **Kampli**. Vi finn han hjå DISgravminner med dødsdato [23/9-1960](#), gravl 27/8 s.å. Han deler gravstein med **Julie**, død [18/12-1982](#), gravl 22/12 s.å. Dette tyder på å vera **Julie Bergitta** f Aanonsvik 5/10-1888, dpt Sørfold [12/5-1889](#)[#3], konf [17/6-1904](#)[#46], dotter til *pige* **Ingeborg Olsdtr** og *ungkarl* **Anders Benoni Jensen**. **Julie** var ved [FT1900](#) «*antaget barn*», busett på Fornes gnr 63/3 i Sørfold herad. Ved [FT1910](#) var ho tenestjente mmed bustad Barakke 34, Charlotta, Sulitjelma. **Brynhild Anette** ^{B181}, dotter til Julie og Jørgen, var fødd 31/5-, dpt Sulitjelma [28/10-1917](#)[#41], konf [10/7-1932](#)[#22]. Ho døydde [20/5-2000](#), jordf. Fauske øvre gravplass 10/8 s.å.

Eldrid ^{B19} **Sæther** finn vi hjå DISgravminner; død [5/12-1971](#), gravl 11/12 s.å. på **Fore** gamle gravplass i Meløy. Ho gifta seg [24/6-1917](#)[#1] med anleggsarbeidar i Glomfjord, **Johan Kornelius Jørgensen**. Han var son til gardbr. **Jørgen Anton Kristian Hansen** og **Kristine Lovise Eriksdtr**, f **Bjørkåsen** 4/1-, dpt [18/4-1892](#)[#9], konf [12/5-1907](#)[#14].

Anna Petrine ^{B1A} gifta seg i Hattfjelldal [15/3-1914](#)[#1] med *Gaardsdreng* **Konrad Eliassen** f Sannæs 19/10-, dpt [21/12-1884](#)[#19], konf [20/5-1900](#)[#9], son til gbr **Elias Jørgen Kolbeinsen** og **Johanna Danielsdtr**. DISgravminner syner at ekteparet skreiv seg **Granås**, **Konrad** døydde [28/5-1969](#), gravl 2/6

s.å. og **Anna Petrine** døydde [26/6-1983](#), gravl 4/7 s.å. Dei kviler ved Hattfjelldal krk. Der finn vi og yngste bror **Sigvard Marius** [B1B](#), etternamn **Nyseth**. Han døydde [6/5-1985](#), gravl 13/5 s.å.

Lukas Andreas [B2](#) Halvorson hadde «*opholdssted*» [Mikkeljord](#) då han gifta seg [2/4-1874](#)[\[#3\]](#) med **Marie Arnesdtr** f [Kroken](#) 13/9-1850-, dpt [20/7-1851](#)[\[#88\]](#), konf [24/6/1866](#)[\[#8\]](#), dotter til Gausdølene **Arne Arnesen** og **Berthe Simonsdtr** ([18/9-1819](#) – [17/5-1895](#)).

Marie og **Lukas Andreas** [B2](#) vart foreldre til: **Arnt** [B21](#) f 4/7-1875, dpt [9/1-1876](#)[\[#6\]](#), konf [10/5-1891](#)[\[#1\]](#). **Halvor Daniel** [B22](#) f 2/11-1879, dpt [18/1-1880](#)[\[#1\]](#), konf [19/5-1895](#)[\[#2\]](#). **Berte** [B23](#) f 18/1-, dpt [9/2-1882](#)[\[#2\]](#), konf [23/5-1897](#)[\[#3\]](#). **Albert Jørgen** [B24](#) f 8/4-, dpt [2/6-1885](#)[\[#10\]](#), konf [19/5/1901](#)[\[#7\]](#). **Elise** [B25](#) f 29/12-1887, dpt [25/3-1888](#)[\[#6\]](#), konf [12/7-1903](#)[\[#2\]](#). **Anna** [B26](#) f 9/2-, dpt [30/3-1891](#)[\[#1\]](#), konf [10/6-1906](#)[\[#8\]](#). **Lovise Marie** [B27](#) f 10/11-1895, dpt [19/1-1896](#)[\[#1\]](#), konf [7/5-1911](#)[\[#10\]](#). **Sverre** [B28](#) f 10/3-, dpt [29/4-1900](#)[\[#7\]](#), konf [2/5-1915](#)[\[#10\]](#).

Vi finn familien ved [FT1891](#) i Kroken, lno 238a(37) – [Husliste](#) – Personskjema [f.o.m.](#) – [t.o.m.](#) Kroken gnr 28/1 var bustad ved [FT1900](#), i [FT1910](#) budde dei på gnr 28/3. **Lukas** var då gardbrukar og kjøpmann. – Han døydde iflg DISgravminner i 1931 og vart gravlagd [12/9-1931](#). Han hadde då vore enkjemann i mange år, **Marie Arntsdr** døydde på Mosjøen sjukehus [6/4-1918](#)[\[#2\]](#), gravl 9/4 s.å.

Skogvogter **Arnt** [B21](#) Lukassen, Røsvassholmen døydde (brystsygdom) 3/7-1914[\[#2\]](#), jordf 5/8 s.å.

Halvor Daniel [B22](#) starta ekteskap med **Maria Lovise Nilsdtr** i Hattfjelldal krk. [1/1-1909](#)[\[#1\]](#). Ho var dotter til **Nils Kristian Ingebretsen** og **Ingeborg Anna Isaksdtr**, f [Brenmoen](#) 20/6-, dpt [19/8-1883](#)[\[#23\]](#), konf [22/5-1998](#)[\[#14\]](#). [FT1900](#) plasserer henne saman med faren på Brenmoen gnr 42/1, i [FT1910](#) bur ho og **Halvor Daniel** på [Bortigarden](#) gnr 115/2 i Vefsn. **Halvor** overtok garden frå Rolf M Danielsen med *skjøte av 27/9-*, tgl [1/10-1909](#). **Halvor Daniel** [B22](#) døydde [27/3-1962](#), gravl 4/4 s.å. **Marie Lovise** døydde [1/5-1962](#), gravl 7/5 s.. Dei er gravl. ved Hattfjelldal krk.

Berte [B23](#) vart gift i Hattfjelldal krk [29/6-1913](#)[\[#3\]](#) med **Johan Johnsen Dalen**, son til **John Halvorson** og **Nikoline Jørgine Larsdtr**, f [Dalen](#) 5/6-, dpt [19/6-1883](#)[\[#12\]](#), konf [22/5-1899](#)[\[#4\]](#). **Johan Johnsen** fekk *skjøte på gnr 41/2* 10.januar, tgl 1. april 1914. **Berte** [B23](#) døydde [1/8-1929](#)[\[#1\]](#), gravl 6/8 s.å. **Johan** døydde i 1952, gravl [2/12-1952](#), Hattfjelldal gamle gravpl. Dottera **Agnes** [B231](#) var f Dalen 25/1-, dpt [28/3-1915](#)[\[#4\]](#), konf [30/6-1929](#)[\[#5\]](#). **Nikoline** [B232](#) f 15/4-, dpt [4/6-1916](#)[\[#10\]](#), konf [17/5-1931](#)[\[#2\]](#). **Margit** [B233](#) f 29/12-1917, dpt [17/3-1918](#)[\[u nr\]](#), konf [28/5-1933](#)[\[#1\]](#). 6/5-, dpt 3/7-**Liv** [B234](#) f 3/11-1919, dpt [21/3-1920](#)[\[#3\]](#). **Oddmund** [B235](#) f 26/8-, dpt [6/11-1921](#)[\[#14\]](#). **Brynjar Johan** [B236](#) f 6/5-, dpt [3/7-1923](#)[\[#6\]](#). **Sigri** [B237](#) f 3/9, dpt [2/11-1926](#)[\[#8\]](#). **Solfrid** [B238](#) f 15/7-, dpt [6/8-1929](#)[\[#11\]](#).


Albert Jørgen [B24](#) finn vi som brudgom [13/5-1912](#)[\[#2\]](#). Brur var **Birgitte Kristine Olsdtr**, dotter til **Ole Johan Ingebrigtsen** og **Oline Marie Larsdtr**, f 30/8, dpt [18/9-1881](#)[\[#13\]](#), konf [23/5-1897](#)[\[#2\]](#). Ho vart registrert som *Kokkepige og Budeie* på Hattfjelldal gnr 1/1 ved [FT1900](#), og som tenestjente på gnr 1/8 ved [FT1910](#). Frå DISgravminner ser vi at **Albert** døydde [14/5-1948](#), gravl 21/5 s.å. og **Birgitte** døydde [18/9-1955](#), gravl 25/9 s.å. Borna var fødte i Kroken i Susendalen: **Magna Oline** [B241](#) f 10/1-, dpt [16/2-1913](#)[\[#2\]](#), konf [19/5-1927](#)[\[#3\]](#), gift [28/12-1940](#)[\[#9\]](#) med Åsmund Bolstad(MH). **Arne** [B242](#) f 24/5-, dpt [18/7/1915](#)[\[#8\]](#), konf [18/5-1930](#)[\[#2\]](#). **Ola** [B242](#) f 26/12-1916, dpt [8/2-1917](#)[\[#1\]](#), konf [8/5-1932](#)[\[#11\]](#).

Elise [B25](#) var *jordmor*. Ho døydde iflg DISgravminner [12/6-1979](#), gravl 18/6 s.å. Ho deler gravstein med lærar **Jakob Mikal Hattfjelldal**. Han var bror til **Birgitte Kristine Olsdtr**, nemnd i førre avsnitt. Han var f 13/5-, dpt [7/6-1885](#)[\[#9\]](#), konf [20/5-1900](#)[\[#3\]](#). [FT1900](#) syner at han då dreiv jordbruksarbeide på heimegarden, ved [FT1910](#) var han elev ved *Elverum lærarskule*. Ei nettside «*My Heritage*» syner at dei hadde dottera **Solfrid** f 15/7-1929, men ho er dotter til **Berte** og **Johan Johnsen** (sjå ovanfor).

Alv Mathias Sjaavik gifta seg med **Anna Lukasdtr** [B26](#) [6/10-1912](#)[\[#8\]](#). Han var fødd i [Sjåvik](#) 17/1-, dpt [24/4-1892](#)[\[#11\]](#), konf [12/5-1907](#)[\[#13\]](#). Foreldra hans var skolelærer **Mathias Arntsberg Jørgensen** og **Anna Olsdtr**. DISgravminner syner at **Anna** [B26](#) døydde [22/5-1970](#), gravl 29/5 s.å. og **Alv Mathias** døydde [30/10-1976](#), gravl 5/11 s.å. Sonen **Asbjørn** [B261](#) vart f 22/5-, dpt [29/7-1913](#)[\[#6\]](#), konf [24/6-1928](#)[\[#12\]](#). **Erling Arne** [B262](#) f 8/7-, dpt [18/8-1918](#)[\[u nr\]](#), konf [13/5-1934](#)[\[#10\]](#). **Maria Lovise** [B262](#) f 3/2-, dpt [17/4-1922](#)[\[#3\]](#).

Lovise Marie [B27](#) starta ekteskap [28/12-1919](#)[\[#10\]](#) med **Ingebrigt Johansen**. Han var f 17/7-, dpt [4/9-1887](#)[\[#17\]](#), konf [12/6-1903](#)[\[#2\]](#). Foreldra hans var *rydningsmand* **Johan Mathias Ingebrigtsen** Fagerbak og **Lorentse Kristine Pedersdtr**. Dei budde i [Ørjedalen](#) gnr 9/1 ved [FT1900](#), og i [Fagerbakken](#) ved [FT1910](#). DISgravminner fortel at **Lovise Marie** [B27](#) døydde 15/5-1990, gravl 23/5 s.å. – **Ingebrigt Fagerbakk** døydde [26/10-1971](#), gravl 2/11 s.å. Sonen **Johan Arnt** [B271](#) var f Fagerbakken 29/5-, dpt [7/8-1921](#)[\[#11\]](#), død [13/6-2005](#), gravl 21/6 s.å.

Magnhild Andrea Mikaelstr ^{B141} vart kona til **Sverre** ^{B28} 20/6-1927[#5]. Ho var dotter til **Mikael Petersen** og **Marie Sofie Johansdtr**, f Kampli 15/4-, dpt 29/6-1902[#4], konf 6/5-1917[#12] – **Sverre** var såleis syskenbarn med svigermor si. **Magnhild** og **Sverre** vart foreldre til sonen **Lukas Arnt** ^{B281} f **Austlid** 26/10-1927, dpt 19/2-1928[#2], død 4/8-1981, gravl 11/8 s.å.



Ruderås - Flyfoto henta hjå «Norgeskart.no»

Skovarbeider Arne Mathias ^{B3} **Halvorsen** i *Kamperli* starta ekteskap med **Anne Sofie Mikkelsdtr** frå **Ruderaas** 15/10-1882[#4]. Ho var dotter til *pigen Karen Marie Olausd Ruderaas* og *dreng Mikkel Christopher Vesterbugt*, f 16/4-, dpt Hattfjelldal 24/7-1859[#101], konf 22/6-1873[#11]. **Anne Sofie** døydde på Mikkeljord 22/4-1895[#4], gravl 27/4 s.å. - **Arne** ^{B3} døydde iflg. DISgravminner 14/6-1923, gravl Susendal nye gravplass 21/6 s.å. (*Kyrkjeboka* #4). **Anne Sofie** og **Arne Mathias** ^{B3} hadde borna **Halvard Marius** ^{B31} f Mikkeljord 11/7-, dpt 26/10-1884[#16], budde i Trallerud ved konf 22/5-1899[#1]. **Konrad Alfred** ^{B32} f 26/8-, dpt 9/10-1887[#20], Haugen v konf 12/6-1904[#4]. **Edvin Olaus** ^{B33} f 19/2-, dpt 4/4-1892[#1], skriven Vollan ved konf 28/5-1905[#3]. Han fekk utflyttingsattest til Amerika(Canada) i september 1910[#11]. - Familien budde ved FT1891 på Mikkeljord, **Husliste**, Personsedlar **f.o.m.** – **t.o.m.** FT1900 fortel at **Arne** og **Halvard**(Halvor) dreiv med *skovhugst* og *tjærebrænding* og hadde tilhald på Mekkeljorden gnr 7/1. **Konrad** var *jæter* på Haugen gnr 14/1 og **Edvin** var folkeskuleelev og fosterson på Vollan gnr 15/1. - FT1910 syner **Konrad** ^{B32} som *Bergværksarbeider* med bustad Fagerbakken. Han døydde 31/12-1977, gravl 7/1-1978.

Halvard Marius ^{B31} finn vi som gardbrukar, midlertidig bergverksarbeidar, far og ektemann ved FT1910. Då dottera **Petra Aminda** ^{B311} f 20/2- vart døypt, i Hattfjelldal 18/9-1910[#5] vart det notert at han og **Helga Jørgine Johnsdtr** var «*viede i Dolstad 4/10-07 ifl. attest 20/10-1910*». Hjå DISgravminner finn vi at **Petra** ^{B311} døydde 19/10-1998, gravl Susendal 26/11 s.å. Gravsteinen deler ho med **Anton Hansen** 12/2-1903 – 17/1-1984.

Susanne ^{B4} **Halvorsdtr** gifta seg 8/7-1875[#8] med **Johan Johansen Slettfjeld**, son til **Johan Hansson Olstad** og **Olia Johnsdtr**, **Johan** var fødd Bøeige i Gausdal, dpt **Follebu krk.** 13/10-1844[#123], konf **Gausdal hovedkirke** 22/5-1859[#22]. Han var ved FT1865 busett på **Houm** gnr 31 i Follebu sokn. Ho **Susanne** ^{B4} døydde av tæring 13/3-1891[#2], gravl 20/3 s.å. **Johan** døydde 5/7-1922[#1].

Borna var: **Olianna** ^{B41} f Mikkeljord 26/12-1874, dpt 7/3-1875[#4], konf 18/5-1890[#4]. **Albertine** ^{B42} f Mikkeljord 23/11-1880, dpt 1/1-1881[#1], konf 17/5-1896[#4]. **Hans** ^{B43} f 26/9-, dpt 17/12-1882[#26], konf 22/5-1898[#3]. **Jørgen** ^{B44} f Mikkeljord 27/7-, dpt 27/7-1884[#13], død 28/7-1884[#9], gravl 30/7 s.å. **Jørgine** ^{B45} f 9/10-, dpt 29/11-1885[#21], konf 19/5-1901[#12]. **Edvin** ^{B46} f 5/9-, dpt 16/10-1887[#21], konf 12/7-1903[#7].(bustad Vefsenmo) **Lars** ^{B47} f 20/7-, dpt 15/9-1889[#10], død (Vanførhed) 10/12-1907[#6], gravl 19/12 s.å. jordf 6/7-1908. – FT1891[#12] plasserer familien i Slettfjeldli – **Husliste** – Personskjema **f.o.m.** – **t.o.m.** Dei budde i Slettfjeldlien gnr 11/1 ved FT1900 og FT1910.

Albertine ^{B42} fekk 2/3-1910 ein son som 3/4 s.å[#4] fekk namnet **Helge**. Faren var ungar og laxfisker **Bernhard Hansen**, **Løp**, Bodin.

I stubben om **familien på øvre Tralrud** har eg teke med at **Edvin** ^{B46} gifta seg 10/10-1916[#2] med **Lovise Bergitte Haakonsdtr** frå Skundberg. Dottera **Sigfrid Helene** ^{B461} var f 16/1-, dpt 10/9-1916[#17], konf 17/5-1931[#8]. Sonen **Harry** ^{B462} var f 11/12-1925, dpt 1/4-1926[#6], død 10/10-1990, gravl 19/10.

Nils Jørgen ^{B5} var «*Dreng hos Faderen paa Mikkeljord*» då han gifta seg med enkja **Mathea Arntsdr** 8/4-1890[#2]. Ho var dotter til **Arne Arneson Kroken** og **Mette Simonsdtr**, f 4/3-, dpt Hattfjelldal 9/7-1848[#86], konf 19/6-1864[#10]. Ho hadde gifta seg 27/4-1868[#1] med **Kristian Gulbrandsen** frå Lands prestegjeld (1837-1886). **Mathea** og **Nils Jørgen** ^{B5} vart foreldre til sonen **Daniel** ^{B51} f 9/11-1891,

dpt [20/2-1892](#)[#1], konf [10/6-1906](#)[#14]. Det vart notert at han fekk attest 2/12-1915. Familien budde ved [FT1891](#) i Kroken lno 238a(38) Personskjema [1,2,3,4,5](#). Kroken gnr 28/2 var bustad i [FT1900](#), ti år seinare, i [FT1910](#), er gardsnummeret 28/3.

Gift kårmann **Nils Jørgen Halvorson** [B5](#) døydde [18/10-1925](#)[#7], jordf 26/9-1926 ([DISgrav-minner](#)). Eg trur det er «vår» **Daniel Nilsen** vi finn gravlagd på Fauske nedre gravplass. Han døydde [10/4-1982](#), gravl 20/4 s.å. Han deler gravstein med **Marie Gjertine Nilsen** [14/2-1893](#) – [22/5-1981](#). Ho var dotter til inderst og fiskar **Mikal Johan Pedersen** og **Jensine Nikoline Johansdtr**, f Hvidblik [13/2](#)-dpt Fauske [23/7-1893](#)[#30], konf Fauske [9/6-1907](#)[#27] og var ved [FT1910](#) tenestjente på Sandnes gnr 119/1 i Fauske herad. **Daniel** [B51](#) er nemnd i [ein GENIprofil](#).



Når det gjeld **Jørgine** [B7](#) gifta ho seg [17/4-1884](#)[#1] med **Tøger Kristian Johansen**, son til *grdbr* **Johan Nilsen Gammelhaug** og **Karen Marie Jakobsdtr**, f [Gammelhaugen](#) 21/11-1861, dpt [23/3-1862](#)[3], konf [4/3-1877](#)[#1]. **Jørgine** [B7](#) døydde [4/9-1884](#)[#1], gravl. 9/9 s.å. **Tøger** gifta seg oppatt med **Sina Hansdtr**. **Jørgine** [B7](#) og **Tøger** hadde dottera **Klara Aminda**(*namn*) [B71](#) f Vallia 2/8-, dpt [9/12-1883](#)[#28], konf [22/5-1899](#)[#6]. Ho vart skriven «Fosterdatter» ved [FT1891](#), budde då på Gamlehaugen. I [FT1900](#) er ho «Kvæg-røgter» og bur på (Gammel)Haugen gnr 14/1 i Hatfjelldal.

Klara Aminda [B71](#) gifta seg [22/12-1901](#)[#8] med **Torger Olsen Bolstad**, son til **Ole Pedersen Bolstad** og **Elen Bergitte Ørjedal**, f Mikkeljord 19/11-1879, dpt [22/2-1880](#)[#4], konf [19/5-1895](#)[#7]. Ved [FT1891](#) budde han på Valli lno238(21), i [FT1900](#) er han «dobbelregistrert» som *grubearbejder*, *fordrer i Ny Sulitjelma grube* – samt «Gaardsarbeide og Grubedrift» i [Vallien gnr 22/1 i Hatfjelldal](#). Ti år etter, i [FT1910](#), vart **Torger**, **Klara**, sonen **Olav T Bolstad** [B711](#) og dottera **Eldri** [B712](#) busette i [Bjørnålien](#), gnr 97/1 i Vefsn herad. **Torger** fekk *skjøte på denne garden* frå broren Peder 12/6-, tinglyst 19/6-1909. [DISgravminner](#) fortel at **Torge(i)r Bolstad** døydde [3/6-1961](#), gravl 8/6 s.å. **Klara Aminda** [B71](#) døydde [30/8-1960](#), gravl 6/9 s.å. Dei kviler på Susendal nye gravplass.

Olav T Bolstad [B712](#) har eit eige avsnitt i stubben om øvre Tralrud. **Eldri** [B712](#) var f i [Bjørnålien](#) 1/12-1908, dpt Vefsn [21/2-1909](#)[#3], død [Bjørnålien](#) [29/1-1911](#)[#2], gravl 3/2 s.å. **Einar Bolstad** [B713](#) var fødd i Svensklid 12/4-, dpt [6/6-1920](#)[#7], død [28/2-2007](#), gravl 9/3 s.å. – Under same gravstein kviler **Petrine Oliva Bolstad** f Olsen (20/8-1927 – [24/6-2009](#)). Vi finn òg ekteparet i ein [GENIprofil](#).

Peder Hansen var f 14/12-1862 på [Linnerud](#) i Nord.Odal, dpt [4/1-1863](#)[#3]. Han var son til salmakar **Hans Pedersen** og **Maren Sørensdtr** som iflg Nord-Odal bygdebok 3-5 2 [side 493](#) flytta til Vefsn. **Peder**(skriven **Pedersen**) budde på Vefsenmo ved konfirmasjon [27/4-1879](#)[#2]. Han gifta seg [29/7-1888](#)[#5] med **Bergitte Marie** [B8](#) Halvorsdtr. Dei budde på [Mikkeljord](#) ved teljingane i [1891](#) og [1900](#). **Bergitte** døydde [28/6-1902](#)[#9], gravl 5/7 s.å. Enkjemann **Peder P Mikkeljord** budde ved [FT1910](#) på [Mikkeljord](#) gnr. 7/1 saman med svigermora, tre born, dreng og tenestjente. Han døydde på [Mikkeljord](#) 10/11-1925, gravl 18/11 s.å. Dødsårsak vart skrive «hulebløding».

Bergitte Marie [B8](#) og **Peder** hadde borna: **Maren Jørgine** [B81](#) f Vefsenmo 24/5-, dpt [23/6-1889](#)[#9], død(*tæring*) [Mikkeljord](#) [4/2-1892](#)[#1], gravl 9/2 s.å. Ei ny **Maren Jørgine** [B82](#) vart f [Mikkeljord](#) 18/11-, dpt [26/12-1892](#)[#13], konf [10/5-1908](#)[#9]. **Halfdan** [B83](#) f 15/2-, dpt [15/4-1895](#)[#3], konf [8/5-1910](#)[#6]

Tvillingsystera **Halfrid** ^{B84} f 15/2-, dpt [15/4-1895](#)[#2], død([kighoste](#))[13/3-1899](#)[#3], gravl 21/3 s.å. **Fritjof** ^{B85} f 12/10-1897, dpt [20/2-1898](#)[#5] konf [25/5-1913](#)[#5].

Maren Jørgine ^{B82} gifta seg [3/11-1920](#)[#8] med **Sigvat Marius Sørensen**, son til **Søren F Sørensen** (*Sørenane frå Ivarrud*) og **Maren Johanne Olsdtr**, f Nysted i Grane 29/8-, dpt Grane [4/10-1885](#)[#20] konf Hattfjelldal [19/5-1901](#)[#16]. - *Gbr.kone Maren Jørgine* ^{B82} **Sørensen** døydde på Nesvoll [17/2-1926](#)[#2] ([DIS-gravminner](#)).

Halfdan ^{B83} var nok på friarføter til **Vallia**. Han gifta seg med **Tordis Bolstad** [26/9-1925](#)[#6]. Ho var dotter til lærar **Peter Olson Bolstad** og **Karen Johanna Aronsdtr**, f 13/1-, dpt [13/4-1902](#)[#1], konf [5/5-1918](#)[#1]., *Lærar Peter Bolstad* vart innvald til «Nordlandsbenken» på [Stortinget 1916-1918](#). Han hørte til «Det norske Arbeiderparti». «[1900-tallet i Hattfjelldal](#)» seier Bolstad vart innvald i 1915. DISgravminner syner at *vegvakter Halfdan* ^{B83} døydde [4/2-1968](#), gravl 21/2 s.å. **Tordis** fekk høg alder, ho døydde 96 år gamal 29/11-1998, gravl 8/12 s.å. Dei kviler ved Hattfjelldal kyrkje.

Tordis og **Halfdan** ^{B83} hadde sonen **Bjørnar Mikkjeljord** f 14/6-, dpt [16/7-1928](#)[#14], død 11/3-2002, gravl 19/3 s.å. Med same gravnummer på Hattfjelldal kyrkjegard finn vi **Aslaug Mikkjeljord** f Nybrotte 17/2-, dpt [13/3-1922](#)[#2], død [11/8-1984](#), gravl 17/8 s.å. – Ho er òg morsyster til tidlegare leiar i Valdres slektshistorielag – tilliks med systera **Mary Nybrot** nemnd i førre stubb.

No var ikkje **Halfdan** og **Tordis** åleine om å gifte seg 26/9-1925. Veslebror til **Halfdan**, **Fritjof** ^{B85} fann seg og kone i nærområdet. [26/9-1925](#)[#5] gifta han seg i Hattfjelldal med firmenningen **Aagot Julie Pantdalsli**. Ho var f 4/11-, dpt [21/4-1901](#)[#6], konf [21/5-1916](#)[#17]. Foreldra hennar var **Aleksander Edvin Pantdalslid** og **Josefine Johansdtr**, nemnde i førre stubb. **Aagot Julie** og **Fritjof** vart 22/9-1927 foreldre til ein gut. Han fekk [1/7-1928](#)[#9] namnet **Per** ^{B851}. Han er nemnd som *skattytar* i 2008.

Helmer Augustus ^{BX} gifta seg og innan slekta. [28/10-1900](#)[#6] gav han i Hattfjelldal krk. løfte om å «*elska og æra*» **Karen Anna Martinsdotter** ^{A14}. Ho var dotter til syskenbarnet hans, **Anne Marie Kristense Tollevsdtr** g.m. **Martin Tørresson Sparby**. Sjå framfor.



Bon Homme Co., Sør Dakota - frå nettsida «[Simply South Dakota](#)»

Elen Marie Eriksdtr var dotter til **Erik Christiansen** og **Marit Jacobsdtr**. Ho kom til verda i **Forslandsdal** 18/8-, dpt i **Stamnes krk.** *13^{de} søndag efter Trefoldighet*, [9/9-1827](#)[#57]. Ho vart konfirmert i Vefsn [7/7-1844](#)[#17], då vart ho skriven Fiplingdal. Ho gifta seg i Vefsn [19/9-1852](#)[#11] med **Eivind**(Even) ^D **Arneson**. - Dei vart i Fiplingkroken foreldre til: **Elias Christian** ^{D1} f 27/7-, dpt [24/9-1853](#)[#122], konf [27/6-1869](#)[#33]. **Anna Zacharina** ^{D2} f 12/9-1855, dpt Hattfjelldal [6/4-1856](#)[#22], konf Vefsn [9/7-1871](#)[#41]. **Marit Jørgine** ^{D3} f 24/6-, dpt Hattfjelldal [18/7-1858](#)[#82], konf [12/7-1874](#)[#38]. **Edvin Andreas** ^{D4} f 21/7- dpt Grane krk [14/10-1860](#)[#161], konf [9/7-1876](#)[#44]. **Sofie Birgitte** ^{D5} f 30/1-, dpt Grane [5/7-1863](#)[#69]. **Maren Anna** ^{D6} f 8/7-, dpt Grane [12/8-1866](#)[#110] og **Olava Andrea** ^{D7} f 6/2-, dpt Vefsn [13/3-1870](#)[#16].

Familien budde i Fiplingkroken ved [FT1865](#) og [FT1875](#). Mykje tyder på at dei tok vegen over «blåmyra» rundt 1880. Eg trur vi finn *arbeidsmand Eivind* ^D **Arnts** og **Elen Arnts**.(kone) samt døtrene **Marit Arnts**. og **Olava Arnts**. som passasjerar på Allanlinjen. Reisemål var **Sioux City, Iowa** og ekspedisjonsdato var 28/4-1880. Dei hadde fått utflyttingsattester frå Grane sokn [25/4-1880](#)[#8-11]. *Arbeidsmand Elias Christian* ^{D1} og *Pige, søster Maren Anna* ^{D6} var passasjerar med *Cunardlinjen* frå Trondheim og reisemål **Yanktoon, Sør-Dakota**. Ekspedisjonsdato 16/9-1880, billettane var betalt i Amerika. Dei hadde utflyttingsattester frå Grane datert [5/9-1880](#)[#27-28]. **Edvin Andreas** ^{D4} ser ut til å ha reist 13/6-1883 med reisemål New York.

Eivind(Even) ^D **Arneson** og **Elen Marie** finn vi gravlagde på Betlehem Lutheran Cemetery i **Springfield, Bon Homme Co.**, Sør Dakota. **Eivind** døydde i 1891, **Elen** i 1894. **Census 1900** syner at **Elias Arnison** f juli 1853 i Noreg og kona **Annie P** f juni 1865 samt borna **Emma S** (jan 1883), **Mathias** (april 1885), **Mina** (april 1888), **Nettie** (mars 1891), **Annie** (nov 1894), **Alvina** (okt 1897) og **Carl** (aug 1899) samt svigermora, **Sakarine Erickson**, vart registrerte i Hancock Precinct, Bon Homme County, SD.- [Gravsteinen](#) syner at **Elias** døydde i 1913 medan **Annie** døydde i 1951. **Annie P** trur eg må vera **Anne Pauline**,

dotter til gbr Kristen Eriksen Fiplingdal og Zakarina Elisabet Johannesdtr, f 19/6-, dpt Grane krk [23/7-1865](#)[#83].

Marit Jørgine ^{D3} er også gravlagd på Betlehem Lutheran Cemetery. Ho døydde 12/6-1953. Ho var gift med Jacob Ole Erickson f i Noreg 4/10-1855.

Dei to yngste systrene, **Maren Anna** ^{D6} og **Olava Andrea** ^{D7} vart bae gifte med syskenbarna sine. Dei har fått sogene sine presentert tidlegare i denne stubben.



Garden Lanes ligg inntil Vefsna, ikkje langt frå kommunesenteret i Hattfjelldal

Berthe Arnesdtr ^G sto brur i Hattfjelldal [13/7-1856](#)[#61]. Brudgommen heitte **Andreas** og var son til *gaardmand* Ole Andersen og Berit Olsdotter Hatfjelddahl. Han var f 11/4- og dpt i Hatfjelldal krk [5/8-1832](#)[#61], konf [25/6-1848](#)[#13].

Born, alle døypte i Hattfjelldal krk.: **Berith Sofie** ^{G1} f 11/5-, dpt [20/7-1856](#)[#88]. **Oleanna Birgitte** ^{G2} f 31/12-1857, dpt [18/7-1858](#)[#86]. **Susanna** ^{G3} f Ladenæsset 27/10-, dpt [24/11-1861](#)[#25], død (*halsesyge*) [21/6-1863](#)[#11], gravl 21/7 s.å. **Serine Lovise** ^{G4} f Lanæsset 15/5-, dpt [19/7-1863](#)[#19]. **Ole Edvard** ^{G5} f Lanaset 19/2-, dpt [18/3-1866](#)[#2]. – Familien vart ved [FT1865](#) registrert på Lanaset lno 238/1 i Hatfjelddalen.

Dei fekk utflyttingsattester med reisemål Amerika [13/4-1868](#)[#18-23]. Dei er nemnde i passasjerlista til barken «Johan» som gjekk frå Bodø/Namsos 12/5- og kom [til Quebec 14/7-1868](#)[#42-47]. Dei har i denne lista fått namnet *Pantelien*.

Findagrave.com har ei side der de kan finne [mange opplysningar om denne familien i USA](#).



Brede ^E **Arneson** gifta seg i Hattfjelldal [18/7-1858](#)[#13] med **Olava Johanna Eriksdtr**, dotter til Erik Christensen Fiplingdal og Marith Jacobsdtr, f 22/9-, dpt [23/10-1836](#)[#83], konf [11/7-1852](#)[#34]. **Olava** og **Brede** ^E fekk desse borna, dei eldste fødte i Jerpaasen: **Zakarina Marie** ^{E1} f 27/1-, dpt Hattfjelldal [17/7-1859](#)[#90], død [25/1-1964](#)[#46], gravl 7/8 s.å. **Erik Andreas** ^{E2} f 16/11-1861, dpt Grane krk. [16/2-1862](#)[#7]. **Sakarina Marie** ^{E3} f 17/6-, dpt Grane [7/8-1864](#)[#75]. **Jakob** ^{E4} f 23/3-, dpt Grane [14/4-1867](#)[#28], død(*strubehoste*) [22/4-1867](#)[#39], gravl Grane 23/6 s.å. **Jakob Mathias** ^{E5} f 7/3-, dpt Grane krk. [29/3-1868](#)[#18]. **Anders Henrik** ^{E6} f 1/4-, dpt [18/6-1871](#)[#84]. **Beret Oline** ^{E7} f 5/8-, dpt [4/10-1874](#)[#35]. **Elias Mathias** ^{E8} f Fiplingvandet 31/3-, dpt [24/6-1877](#)[#96]. - Familien budde i Jerpåsen ved [FT1865](#), dei budde i Kvanlid ved [FT1875](#).

Eg vel å tru det er **Brede** ^E vi finn ved [FT1880](#) i Oak Lake *municipality*, *Becker County* i Minnesota. Han er 49 år gamal, «*farmer*», skriven «*Arnereson*», gift med **Ela** og har borna **Otto**, 7 år og **Menna**, 3 år, bae fødte i USA. – [FT1900](#) for Bon Homme Co syner at **Brade Arnison**, «*father*» fødd «*apr 1831*» budde hjå sonen **Elias Arnison**, f mars 1877 i Noreg. Ovanfor, i line 37-39 finn vi **Erik Kvanli** f nov 1861 i Noreg, kona **Mary** f 2/1876 i Sør Dakota og sonen **Nels B** f 9/1896. Vi finn **Erich** og **Mary Kvanli** også ved [FT1940](#) i Hancock twp., Bon Homme. [Gravsteinen på Bethlehem Luth Cemetery](#) samt «[we relate](#)» bekreftar vel at det er «*våre folk*» frå Hattfjelldal/Grane som er funne.

Førenamnet Brede i teljingane 1801, 1865 og 1910

Fylke / År	FT1801	1865	1910
Østfold	5	4	17
Akershus	10	62	45
Kraa.	4	17	33
Hedmark	76	161	135
Oppland	4	68	48
Buskerud	5	7	8
Vestfold	3	23	13
Telemark		1	6
Aust Agder			2
Vest Agder			1
Rogaland			
Hordaland			3
Bergen			
Sogn/Fjordane			
Møre/Romsdal	1	1	2
S Trøndelag	2	10	8
N Trøndelag		61	53
Nordland	5	8	20
Troms			2
Finnmark			
	115	423	396
Regionar			
Vinger/Odalen	6	39	31
Solør	67	101	81
Hedemarken	3	11	8
Sør Østerdal		10	13
Nord Østerdal			2
Gudbrandsdalen	1	0	6
Vestoppland	3	68	42
Valdres/Land	0	0	0

Bruk av
førenamnet
Brede

Namnet er, som de ser, ikkje funne i Valdres i nokon av teljingane. Det sentrale området for dette førenamnet er **Solør**, med mange Brede-karar i Grue, Hof, Åsnes og Våler prgj. Kvar Sigrud Halvorsdr og Arne Toreson plukka opp dette namnet til son sin – ja, det skulle vore moro å vite meir om. Som de ser - er namnet heller ikkje funne i Land-regionen i teljingane.

Frå nettsidene «[FORKLARINGER PÅ FORNAVN, SOM SVAR PÅ SPØRSMÅL](#)» og [Norske navn](#) :

Mest sannsynlig kommer Brede fra det gamle danske ordet "brejde", som betyr 'stridsøks'. Brede, som er fornavn for menn, er mer brukt på dansk enn på norsk, men har altså også vært noe i bruk i Norge. (Kilde: Norsk personnamleksikon, av Kristoffer Kruken og Ola Stemshaug, 1995. De bygger på Danmarks Gamle Personnavne.) 30.9.04.

Betydning: Stridsøks, brite

Navnedag: 5. september*

Forklaring: Guttenavnet kan komme av et tysk navn som betegner en "brite", men også fra det danske ordet "brejde" som betyr "stridsøks".

Samme betydning: **Bredo**

Popularitet: Omlag 800 personer i Norge har guttenavnet Brede som første eller eneste fornavn



Valdrisar vandrar i Vefsn

1) Slidring treffer Lending

Sokneprest [Harbitz](#) held konfirmasjon i [Slidredomen](#) 27. juni 1852. Denne dagen skulle 43 gutar og 33 jenter først inn i «[dei vaksne sine rekkjer](#)». Mellom jentene som går fram til altarringen denne dagen finn vi [Eli^{A1} Johannesdtr Færden](#)^{#69}. Ho kom til verda 18. mai 1837 på [Ulvé-eige](#) i Røn sokn i Vestre Slidre og vart [døyp 23. juli s.å.](#)^{#56} i [Røn kyrkje](#). Så vidt eg skjønar har «[skjønnskrivaren](#)» her notert at barnet er «*uægte*» og at foreldra er «*ungkarl Johan Johanes Raabølle og pigen Sigri Knudsd Ulven-Eye*». [*Undrast på om pennføraren her skreiv så stygt at han skjønte kva han skreiv – jfr. å lyge så godt at ein trur det sjølv!*]. Til alt hell har han fått ‘avløysing’ nedst på same side.

Som så mange andre ungdomar frå Valdres, tok [Eli^{A1}](#) seg teneste på Hedemarken. Ved [teljinga i 1865](#) er ho på «[Ingeberg nedre](#)» lno. 29 i Ringsaker hovudsokn. Både alder og prestegjeld er litt unna «[fasiten](#)», men frå Slidrebygdene er det *Eli frå Ulvéeige* som høver best.

Mykje tryggare vert ein når ein treffer [Eli^{A1} Johannesdtr](#) att i 1872. Her er både fødselsdata og farsnamn det vi ventar å finne. No har ho kome nordom Dovrefjell, nordom Trøndelagen og like til [Mosjøen](#). Bryllaupsfeiring er [1. juni 1872](#)^[15], og brudgom er *ungkar og husmann* [Gustav^{AX1} Gulbrandsen](#) som bur på [Tveraaen](#), der brura også «*nu*» har tilhald.

Teljinga [1865](#), for Qvandal, lno 52 i Vefsn, syner at [Gustav^{AX1}](#) er fødd i «[Lands Præstegjeld](#)». Alderen oppgjeve i teljinga er noko ulik kva vi såg i kyrkjeboka ved bryllaupet. Både [klokkarbok](#)^{#86} og [ministerialbok](#)^{#85} for Land syner at fødselsdato er 4. april 1847. Guten vart døyp 19. april 1847 i [Åmot kyrkje](#) i Torpa. Ei [innførsle](#)^{#2-8} for «*Indflyttede*» syner at [Gustav](#)^{#5} kom til Vefsn frå Land saman med foreldre og sysken, i 1865. Familien «*ere flyttede til svigersønnen Peter Nykvist i Kvandalen for at hjelpe ham med Gaardsdriften*». Dei har synt fram attest frå «[Provst Aabel](#)» datert 21.2.65 – innførsla i Vefsn er datert 26. mars same år. Foreldra til [Gustav](#) er [Gulbrand Nilsson](#) og [Agnete Olsdtr](#). For ein Valdris er [Agnete](#) eit uvanleg førenamn, og eg syner til ei oversikt i slutten av denne stubben. Ein kan òg nemne at ungar [Peter Persen Nykvist](#), født i Arvika i Sverige, kom til «*Mosøen*» frå Overhalla saman med pigen [Nikoline Gudbrandsdtr](#) som har som «*opgiven hensigt – at indtræde i Ægteskab med Ovenstaaende*». Ho har no opphaldstad [Rynæs](#). *Peter skal «udføre Vandledningsarbeide»*. Innførsle for innflytting er [1. mai 1862](#)^{#3-4}.

Innan [Eli^{A1}](#) og [Gustav^{AX1}](#) gifta seg hadde dei fått sonen [Johan Jørgen^{A21}](#). Guten vart f på Tverå 12. mars- og [døyp 14. april 1872](#)^{#35} i [Dolstad kyrkje](#). Han vart [konfirmert 6. mai 1888](#)^{#20}. Son nummer to kjem til verda, også på Tverå, nyårskvelden 1874 og får namnet [Augustinus^{A22}](#) [7. mars 1875](#)^{#24} og vert [konfirmert 11. mai 1890](#)^{#40}. Familien er ved [FT1875](#)^{# 013-016} nemnde på Tveraa, lno 53 i ‘Vefsn landdistrikt’. Foreldra til [Gustav](#) er no skrivne som husmannsfolk, storebroren [Johannes](#) er her «*Gaardb. Selveier og Skogdriver*» -han er gift med [Anne Maria Mikkelsdtr](#), også frå Land.

20. mai 1878 vert [Eli^{A1}](#) (no 41 år gml.) og [Gustav^{AX1}](#) foreldre for tredje gong. Barnet får namnet [Emilie Birgitte^{A23}](#) [5. mai 1878](#)^{#62}. Ho vert [konfirmert 17. juni 1894](#)^{#18}. Sonen [Oluf Nikolai^{A24}](#) er f 10. desember 1880 og vert [døyp 13. februar 1881](#)^{# 6}. Han døyr, berre vel 13 år gamal [21. juni 1893](#)^{#18} og vert gravlagt ved Dolstad kyrkje 23. juni same år. - Far hans, «Husmand» [Gustav Gulbrandsen](#) døyde på Kjørstad [2. desember 1888](#)^{#4} og vart gravlagt 11. desember s.å.

Ved [teljinga 1891](#) er [Eli^{A1}](#) (no skriven [Elen](#)) vorte enkje. Ho bur på plassen «*Pempen*» og har no stønad frå «*Vefsens fattigvesen*». Sonen [Johan Jørgen^{A21}](#) er [i 1891 dagarbeidar](#) og registrert buande saman med mora og veslebroren [Oluf Nikolai^{A24}](#) ([personseddel](#)). Kjørstad under gnr 18/3 er bustad ved [teljing 1900](#). Her er «*husmandsenke*» [Eli^{A1}](#) ([Elen](#)) nemnd saman med sonen [Augustinus^{A22}](#) og familien hans. Han er no nemnd «*arbeider ved sagbrug*».

[Eli^{A1}](#) ([Elen](#)) får si siste tid på *Vefsn gamleheim, Marken*. Ho [døyr 30. januar 1922](#)^{#5} (skriven som *enke, fattiglem*) og vert gravlagt og jordfesta ved Dolstad kyrkje 4. februar 1922.

[Johan Jørgen^{A21}](#) er nemnd fisker då han giftar seg , [4. august 1895](#)^{#3}, i [Hol kyrkje](#) i Buksnes prgj. i Lofoten. Han er då busett i [Stamsund](#), men har [hjemstavn](#) «*Vefsen*». Brura, [Nikoline Ovidia Eriksdtr](#), var f 20. juli 1869 på [Sildpollnes i Tysfjord](#) og vart døyp i [Korsnes? kyrkje 29. august 1869](#)^{#26}. Konfirmert vert ho [12. juni 1885](#)^{#8}. Ved [FT 1875](#) er bustaden skriven [Seilpolnæs](#), men silda er vel, genetisk sett, ikkje utstyra med segl??. Foreldra til [Nikoline](#) er plassbrukar/fiskar [Erik Olsen](#) og [Elen Oline Nilsdtr](#).

[Nikoline](#) og [Johan Jørgen^{A21}](#) flytter fleire gonger i dei komande ti åra. Eldste jente, [Olga Helmine^{A211}](#) vert f i Stamsund [28. november 1895](#)^{#13} og dpt i Hol krk. [Eilif Edelberg^{A212}](#) er f 7. juni 1897 i Mosjøen, han vert [dpt 26. september s.å.](#)^{#14} i Dolstad kyrkje. Dottera [Arhild^{A213}](#) f i Mosjøen 15. juni 1899, vert dpt i Dolstad krk. [3. september s.å.](#)^{#12}. Innan minsteguten, [Julius Normann^{A214}](#) kjem til

verda, 7. februar 1901, er familien komne til [Bosmo](#), Mo i Rana. Guten vert dpt i Mo kyrkje [21. april 1910](#)[#13]. Ved [FT1900](#) bur familien på Baasmoen(Bosmo) i Mo herad i Rana. Mannen er no «*Vaskeriarbeider*», kona driv attåt hushaldet med «*damesøm*». I 1902 er familien attende i Vefsn. 9. juni kjem det tvillingjenter til verda på Kjærstad, Dei får namna **Gudrun Alvilde**^{A215} og **Gudny Elvine**^{A216} den [10. august 1902](#)[#23&24]., død av «*Bronkit*» på Kjærstad [5. april 1903](#)[#7], gravl. Dolstad krk. 14. april s.å. **Gudrun Alvilde**^{A215} døyr av «*mæslinger*» på Strannen i Buksnes [17. oktober 1903](#)[#18] og vert gravlagd 22. oktober s.å. – Far til tvillingane, **Johan Jørgen**^{A21} Gustavson, har sikkert slite noko tid med sjukdom. Han døyr som Inderst på Kjærstad [24. oktober 1902](#)[#19] og vert gravlagd ved Dolstad kyrkje 28. oktober same år. Kyrkjeboka fortel at dødsårsak er «*Tæring*».

Ved [FT1910](#) finn vi **Nikoline**, no busett i [Bankgate 11 i Bodø](#) kjøpstad, saman med borna **Olga**^{A211}, **Arhild**^{A213} og **Julius**^{A214}. **Nikoline** er no enkje og nemnd som «*syer*(kaape og kjolesøm)» Sonen **Eilif**^{A212} (Gustavsen) finn vi i [1910-teljinga](#) som «*Fostersøn*» på «*Ramsvik barnehjem*(gaard) i Buksnes på Vestvågøy. De kan lesa ein historikk om «*Lofotens barnehjem*» på nettsidene til Vestvågøy historielag.

Olga Helmine^{A211} vert konfirmert i Bodø [6. august 1911](#) [#54], då nemnd *Olga Helmine Gulbrandsen*. DISgravminner fortel at ho [døydde 26. april 1991](#) og er gravlagd på «*Narvik nye*» gravstad. Saman med henne kviler **Jens Konrad Pareli Pedersen**, f 19. mai 1892 på Kjær i Tysfjord, [dpt 30. oktober s.å.](#)[#36], [konfirmert 30. juni 1907](#)[#6], [død 3. desember 1964](#). – På same gravplass kviler óg **Arhild**^{A213}, [død 7. mai 1937](#) og «*ugift losse- og lastearbeider*» **Julius Normann**^{A214}, [død 22. februar 1928](#); (DISgravminner).

Augustinus^{A22} giftar seg med **Signe Amalie Bergsten** [27. oktober 1905](#)[#27]. Han er då «*Sagarbeider på Kjærstad*». Ein skulle tru arbeidsplassen var «*Nes Trælastbruk*». - **Signe Amalie** er dotter til *Bjørn Bergsten* og *Kristin Nilsdtr* og vert f på [Kulstad](#) 7. oktober 1885, [dpt 22. oktober s.å.](#)[#59] og [konfirmert 27. mai 1900](#)[#14]. Ho er ved [FT1900](#) nemnd på [Remman](#) gnr 115/3 i Vefsn der faren er «*Parcelbruger, arbeider ved sagbrug og (er) fiskekjøber*». Ved [FT1910](#) held familien Gustavsen til i Kirkegate 20a i «*Mosjøen ladested*». DISgravminner syner at **Augustinus**^{A22} [døydde 6. november 1942](#) medan **Signe Amalie** lever fram til [4.april 1950](#). Båe har siste kvilestad ved Dolstad kyrkje (Mosjøen gravstad).

Ekteparet fekk sonen **Georg Eilif**^{A221} – iflg. [teljing i 1910](#) f 29. juni 1906. Han vert konfirmert [8. mai 1921](#)[#16] i Hattfjelldal. Dottera **Borghild**^{A222} er fødd i Mosjøen 6. september 1908, jfr. [FT1910](#) og [konfirmasjon 17. juni 1923](#)[#4]. Konfirmasjonsopplysingane for **Arne Sigvald**^{A223} fortel at guten vart fødd andre juledag 1913, dpt 8. mars 1914 og [konfirmert 26. august 1928](#)[#12].

Kristine Bek Elutsdtr vert gift med i Hattfjelldal kyrkje [17. desember 1936](#)[#11]. Ho er, etter det opplysningane ved bryllaupsinnførsla fortel, fødd 22. mars 1913 i Drevja sokn i Vefsn prgj – og skal vera konfirmert 1928 i Dolstad kyrkje. **Georg**^{A221} er då nemnd «*småbruker Storlid*». Hjá DISgravninner finn ein at **Georg**^{A221} [døydde 7. april 1977](#) medan **Kristine** [døydde 13. september 1999](#). Båe er gravlagde ved [Hattfjelldal kyrkje](#).

Borghild^{A222} står brur [4. oktober 1930](#)[#9]. Brudgom er **Jakob Kristian Asprem**, f 16. februar 1904 på [Asprem](#) i Vefsn, [dpt 4. april s.å.](#)[#12] og [konfirmert 9. juni 1918](#) [#30] (nemnd på [GENI](#)). Ved [FT1910](#) bur ho saman ned foreldra, *Jørgen Olaussen Bjerknæs* og *Jørgine Jørgensdtr*. **Jakob Kristian** døyr [1. august 1979](#), **Borghild**^{A222} [31. august 1985](#).

Arne Sigvald^{A223} giftar seg i Dolstad kyrkje [29. juni 1935](#)[#7] med **Ågot Anette Nilsen**. Ho var fødd på [Remmen i Nesna](#) 14. oktober 1914 og døypt i [Nesna kyrkje 22. august 1915](#)[#17]. Her vart ho óg konfirmert, [16. juni 1929](#)[#9]. Ho er dotter til *Johan Nilsen* og *Agnes Edwardsdtr* – som ved [FT1910](#) er registrert på Remmen gnr. 49/1 i ‘*Strandlandet teljegrins*’ i Nesna. Frå registreringa på DIS gravminner ser ein at **Arne Sigvald**^{A223} [døydde 29. mai 1992](#) og **Ågot Anette** [døydde 10. mai 1997](#). **Terje Johan Gustavsen** (22/11-1945 – 6/5-1998) er gravlagd i same grav som **Augustinus**^{A22}, truleg er dette ein son av *Ågot Anette og Arne Sigvald*.

Til desse familiane har eg hatt god drahjelp av databasen på «[Roys slektsider](#)»

Førenamnet Agnete frå folketeljningane 1801 – 1865 og 1910

	1801	1865	1910
Østfold	5	31	37
Akershus	21	62	62
Kristiania	18	90	225
Hedmark	112	1083	614
Solør/Odal	0	144	102
Østerdalen	2	17	12
Nes og Ringsaker	105	559	249
Vang,Løten, Romedal, Stange	5	363	183
Oppland	192	820	465
NordGudbrandsdal	0	6	8
Øyer, Gausdal Fåberg	6	229	166
Biri,Vardal,Toten	163	387	189
Hadeland	8	11	4
Land	14	174	87
Valdres	1	13	11
Buskerud	25	31	24
Vestfold	22	27	40
Telemark	11	29	36
Aust-Agder	12	7	20
Vest-Agder	22	39	32
Rogaland	19	41	41
Hordaland	13	23	33
Bergen	41	33	49
Sogn og Fjordane	107	111	79
Nordfjord	92	92	60
Sunnfjord	14	18	16
ytre Sogn	1	1	2
indre Sogn	0	0	1
Møre og Romsdal	26	46	41
Sør Trøndelag	16	29	44
Nord Trøndelag	3	19	10
Nordland	17	30	147
Troms	3	14	117
Finmark	25	16	66

710

2581

2182



Kjerneområdet for dette førenamnet er i 1801 Mjøsbygdene – og ei «lomme» i Nordfjord. To generasjonar seinare har namnet spreidd seg over Vardalsåsen og inn i Lands prestegjeld samt krabba seg oppover i sørre del av Gudbrandsdalen – og på hi sida av Mjøsa har det farta frå Stange og over til Odalen. Frå Nordfjord er det ein liten lekkasje i sørleg lei, men Sogningane, både innst og ytst i fjorden er lite påverka. I 1910 har talet Agnete-kvinner minka i kjerneområdet, medan dei i Nordland og Troms har hatt monaleg auke.

II) Sersjanten frå Hedalen

Ministerialboka for Mosjøen ladested i Vefsn syner at «*ugift Sergeant Anton Gundersen Kjensrud, f Søndre Aurdal 1871-9-2, conf. Aurdal 6/6-86*» dør i Mosjøen [24. juni 1889](#)^[#9]. Han vert gravlagd og jordfesta ved Dolstad krk.28. juni s.å. «*Gard og bygd i Sør-Aurdal*» band D fortel på side 390 at han «*døde ung*». To profilar på GENI ([1](#), [2](#),) har heller ikkje med dødsåret – som kom med i tabellen for «[Valdrisar døde i Nordland](#)» 13. februar 2014.

III) Faren frå Ulnes kom til Bodø - sonen frå Bodø kom til Vefsn

Ei innflyttingsmelding til Bodø prgj. datert 1878, [innført 1879\[#15\]](#) fortel at ungd **Ole Olsen Sundem** f 31/3-(18)48 er innflytta for å «*arbeide som Murer*». Han kjem frå «*Bruvigs Prestegj., født Nordre Aurdal, hvor døbt og konfirmeret i 1862*». Karen har opphaldstad på [Valle](#). Han har synt fram attest frå «*Nordre Aurdals Spræst Bjørn dat 11 Marts 1878.*»

Denne karen er nok **Ola Olson**, son til *Ola Knutson* på [Syndeiseige](#) og *Ingebjørg Alvsdtr.* Han vart døypt i Ulnes kyrkje [18. april 1847\[#14\]](#) og konfirmert same stad [13. juli 1862\[#6\]](#). Ved [FT1865](#) er han registrert på 'Sundemseie' i Nordre Aurdal prgj. Denne registreringa er årsak til at han så vidt vert nemnd i «*Gard og bygd i Nord.Aurdal*» (band C, side 623).

I Bodø vert han kjend med **Eline Marie Antonsdtr.** Ho er f på [Nystad](#) 16. januar 1869, dpt i Bodø [12. juni s.å.#34](#), konf Bodø [30. juli 1866\[#41\]](#). Foreldra hennar er *Anton Olsen* og *Ovidia Hansdtr.* Ved [FT1865](#) er familien nemnde på Valle.

Eline Marie og **Ola** vert gifte i Bodø [3. november 1879\[#26\]](#). Ola Har nok synt fram utflyttingsattestene si denne gongen òg, men anten har skrifta falma, presten hadde gløymt brillene – eller kanskje skrive ein utydeleg kladd. Ministerialboka syner no at «*ungk, grubearbeider*» **Ole Olsen Sundem** som no arbeider i «*Mo i Ranen*» har «*attest frå Blom i Aurdal af 11/3-78; frå Bull i Brudvig af 22/7-1879*».

Nokre månader tidlegare, 20. mai 1879 hadde dei vorte foreldre til guten **Olaf Angel**. Hanvert døypt i Bodø [5. oktober 1879\[#168\]](#). Dottera **Inga Ovidia** kjem til verda i [Svenningdal](#) 3. februar 1881 og vert døypt i [Grane kyrkje](#) [29. mai s.å.#12](#). Her vert ho òg [konfirmert, 16. juni 1895\[#11\]](#). Familien har tilhald i Svenningdal også når dottera **Jenny Marie** fyrste gong møter utanverda, 15. juni 1883. Ho vert døypt i Grane kyrkje [8. juli s.å.#16](#), konfirmert same stad [5. juni 1898\[#8\]](#). Her finn vi ein merknad om at ho fekk «*udfl.at*» til [Bosmo i Ranen](#) 30. november 1907.

Det ser ut til at «*murearbejder*» **Ola Olson Sundem** misser livet i ei «*Vaadeskud*»-ulukke på [Løvø](#) i Alstahaug prgj. [13. august 1885\[<2>\]](#).([Klokkarboka](#)) Han vert gravl. 16. august s.å. ved [Stammes kyrkje](#) i Sandnessjøen. Innførsla fortel at han er enkjemann, «*opholdt mest? i Vefsen*» og dødsfallet er «*anmeldt*» Skifterett/Lensmann 15. august 1885. Dato for jordfesting er ikkje lett å skjøne. At han er enkjemann skulle leia oss til å tru at *Elen Marie* døyde mellom juni 1883 og august 1885. Men kyrkebøkene gjev ikkje opplysningar som syner dette namnet. Sidan døtrene har tilhald i Grane sokn i barne- og ungdomsåra, skulle det vera staden å leite fyrst. – Men ingen høver ! Eit familietre på «*My Heritage*» har rettnok opplysning om at ho døyde i 1884, med her er *ingen* kjeldeopplysningar!

Olaf Angel Olsen giftar seg i Vefsn [6. januar 1905\[#2\]](#) med **Jensine Kristine Nilsdtr**, dotter til *Nils Jørgen Henriksen* og *Jensine Benjaminsdtr.* Ho bur på Remmen då ho vert [konfirmert i Vefsn 17. juli 1894\[# 33\]](#) .og det er då notert at ho er fødd 15. september 1879 på Ånes i Vefsn, døypt i Vefsn 5. oktober same år. I 1900 er ho i tenest hjå redaktør i [Nordlands folkeblad](#), *Jon Try* i Sjøgaden i Mosjøen. Ved [FT1910](#) bur **Jensine** og **Olaf** på [Mjaavatnet](#), [Bugtryggen](#) under gnr 151/2 i Vefsn og er då foreldre til 3 born, *Trygve*, *Gudrun* og *Ragna*.

DIS-Gravminner fortel at **Jensine Kristine** døyde 9. juli 1964 medan **Olaf Angel** døyde 3. mars 1967. Båe er gravlagde på Dolstad kyrkjegard i Mosjøen.

Inga Ovidia har før [FT1900](#) flytta til [Sulitjelma](#). Her er ho registrert som tenestjente i Charlotte brakke N^o1, Skjærstad herad. Her kan nemnast at Fauske vart utskilt frå Skjerstad i 1905. Det er truleg her ho treffer karen som vert ektefellen hennar, **Haavald Martin Salomonsen**. Dei vert gift i Fauske [1. juni 1903\[#13\]](#). **Haavald Martin** er son til skomakar *Salomon Andreas Pedersen* og *Eva Knutsdtr* og vart f på Mørkved ved Bodø 7. juni 1879, døypt i Bodø landsokn [10. august s.å.#35](#) og konf same stad [7. juni 1894\[#18\]](#). Han er i [FT1900](#) nemnd som «*Grubearbeiderer, minerer*» ved [Giken](#) gruve i Sulitjelma. [Ti år etter\[#044-049\]](#) bur han og **Inga Ovidia**, saman med borna **Sverre**, **Astrid**, **Erling** og **Haldis**, på [Jakobsbakken](#) i Sulitjelma. - **Inga Ovidia** [døyr 17. mai 1919 \[#2\]](#) på Jakobsbakken og vert gravlagd 25. mai same år.

Jenny Marie er ved [FT1900](#) tenestjente hjå *Petra* og *Mekal Nilsen* i (nedre) [Svenningdalen gnr 50/1](#) i «Vefsen» herad (no Grane kommune). Når vi går fram ti år, til [FT1910](#), er ho gift med bakarmeister **Ludvig Tangen** og busett på Hagebakken under gnr 133/5 i Baasmoen teljekrins i Mo herad. Vi finn ekteparet gravlagde på [Rennebu kyrkjegard](#); sjå DISgravminner – **Jenny Marie** døyde [16. april 1952](#) medan **Ludvig** døyde [30. april 1962](#). Her kviler òg sonen **John Leon**, f 17. mars-, [dpt 1. juni 1914\[#25\]](#), [død 27. januar 1986](#) og kona hans, **Mali** f 2. august 1916, [død 12. juli 2001](#).

Som i den fyrste stubben har eg her hatt litt drahjelp av databasen på «[Roys slektsider](#)», men eg såg òg [eit slektstre på GENI](#) som synest godt underbygd! – Her har ein, ser det ut til, lese kyrkjebøker frå Nord-Aurdal og funne to av halvsyskena til Ola Olson. Han hadde og ei halvsysster, Marit f [19. november 1853\[#37\]](#), [død 15. februar 1854\[#4\]](#). Ein annan [GENIprofil](#) har deler av etterslekta til Olaf Angel Sunden(Almli).

IV) *Frå Nord-Aurdal til Stange, Eidsberg og Kristiania ... og Vefsn*

«Hva hjelper det å dra –til store byer da – når lykken bor i » – Vefsn !

[\(ei lita endring ... Lillesand vert Vefsn\)](#)

Haldor vart guten kalla – då han fekk namn i Skrautvål kyrkje [9. april 1855](#)^[#21]. Han kom til verda på [Sæbuøydgården](#) i Skrautvål sokn i Nord-Aurdal 18. mars 1855 – foreldre var [skulehaldar Gulbrand Gulbrandson](#) ([7/2-1828](#)^[#17] - [19/8-1874](#)^[#10]) og [Anna Larsdotter](#) frå [Såstadeige](#) i Stange ([18/10-1822](#)^[#6] -). Dei gifta seg i [Ottestad kyrkje](#) [10. juni 1854](#)^[#20]. I [FT1865](#) er dei nemnde på [Vardeberg](#) (kretsskole), Tangens sokn i Stange prgj – der [Gulbrand](#) er «Lærer».

I [Tangen kyrkje](#) vert **Haldor** konfirmert [26. september 1869](#)^[#10]. Han er «Bybud hos kjøbmand Jensen» ved [FT1875](#). Bustad er då Hospitalsgate 2 i Kristiania. I [FT1900](#) er **Haldor** ugift «Folkeskolelærer» og bur på [Østby gnr. 200/4](#) i Herland anneks i Eidsberg herad i Østfold. [Ti år etter](#) er han framleis ugift, men er no «losjerende» i 2^{de} etasje i «Bakbygning» i [Markveien 61](#) i Kristiania. Han er ved dette høvet nemnd «*Forhenv. Lærer, lever af sammensparet, liden formue*».

Vefsn Slektshistorielag har lagt ut ei [avskrift av vigslene i Mosjøen i tida 1904 – 1930](#). Her finn vi at **Haldor Gulbrandsen Sebo** (avskrifta seier Sæbø), son av G Gulbrandsen 20. oktober 1914 gifta seg i Dolstad kyrkje med **Anna Hansine Hansen**, dotter av E Hansen. Diverre er korkje fødselsår eller fødestader notert i denne lista, heller ikkje om dei tidlegare har vore gifte – og ein finn ikkje tidsrommet 1904-1916 skanna hjå Digitalarkivet. Kven [Anna Hansine](#) er, det er førebels ei gåte! Men ei gåte har oftast ei rett løysing.

At ein har funne rett **Haldor Gulbrandson**, bør vera svært sikkert. Klokkarboka for «Vefsn i Vefsn» fortel at «*gift pensj. Folkeskolelærer*» **Haldor Gulbrandsen Sæbo** f 1855-3-19 døyr av «[Hjertelammelse](#)» på [Nyrud](#) i Vefsn [15. mai 1927](#)^[#9]. Gravferd og jordfesting er 21. mai.

Ein [profil på GENI](#) har registrert familien til Gulbrand Gulbrandsen og Anne Larsdr. Dei fylgjer veslesystra Marte Gulbrandsdotter vidare.

Vi har vore innom ein [Sundem](#)-kar her i Vefsn. No tek vi atter turen over Saltfjellet – til **Bodø**, for å helse på ein annan **Sundem** der. Etter seiande(*skrivande*) kjøpte den karen ein gamal tømmerbyggnad i Vefsn – og sette han opp som forretningsgard i Bodø.



Bodø – 27/2-2011 - foto OHF

Bokhandlaren i ~~Kabul~~ Bodø.

[Ministerialbøkene](#) for [Aurdal prestegjeld](#) har frå 1763 og fram til 1808 egne sider for «Uægte fødte og døpte». [3. desember 1797](#)^[H side,4.nedanfrå] er det i [Ulnes kyrkje](#) notert: «*confirmeret Dbn over Ingeborg Arnesd Granumseyer uægte søn, Anders. ... «Udlagt Joen Andersen Thune, Soldat af Wangs præstegjeld»*. Soldaten er truleg [Jon Andersson](#) som vart døypt [5. desember 1771](#)^[V side,10.ovanfrå] i [Vang](#). Foreldra hans er [Anders Ivarson Tune](#) og [Ingri Jonsdtr. Ingebjørg Arnesdtr](#) er frå [Åbjør](#), døypt [15. juni 1766](#)^[H side,5.nedanfrå] i Aurdal kyrkje. (Ho er elles syster til ein av dei 8 tiptippoldefedrene på morsida mi).

Ved [FT1801](#) finn vi [Anders Jonsen](#) som «*Stiv søn*» på «*Granum, Ulnees sokn, Ourdahl prgj*». Han giftar seg [27. mars 1826](#) med [Kari Henriksdtr](#). Ho var òg fødd utanfor ekteskap og vart døypt i [Svenes kyrkje](#) [5. mars 1797](#)^[V side,3.nedanfrå]. Mor hennar er [Gro Larsd Rognaas](#) ejer og som far er «udlagt [Henrich Ols RognaasEje](#)». ... «*Livet legger mange feller i en jomfrus vei*» !

[Kari](#) og [Anders](#) vert 8. mai 1827 foreldre til [Ingebjørg](#), dpt i Ulnes krk [9. juni s.å](#)^[#30]. 17. mars 1830 kjem neste barn, ein gut - som i Ulnes kyrkje får namnet [Henrik](#) [17. mars 1830](#)^[#38]. Det er denne karen vi skal slå følge med vidare i denne stubben. I kyrkjeboka er faren, [Anders Jonsen](#), nemnd «*Tophoel*». Likeins er det skrive då [Anders](#) døyr, [26. september 1830](#)^[#80]. [Henrik](#) har såleis berre høyr t tale om far sin, og har truleg inga minne om han. [Henrik](#) vert konfirmert i Ulnes kyrkje [14. juli 1844](#)^[#5]. [Grunnboksbladet for Toppol-Sundheim øvre](#) løpenr. 161, sidan [gnr 52/6](#) fortel at eignedomen vart skylddelt 17. desember 1830 – og at [Kari Henriksdtr](#) får skjøte datert 24. januar-, tinglese 28. februar 1831. Ho skjøter vidare til sonen [Henrik Anderson](#) 9. april 1853. Han vert ikkje eigar i noko lang tid. Alt 18. mars 1854 skriv han ut skjøte til [Thomas Olsen](#) – tinglese 8. juli same år.

[8. desember 1859](#)^[#1] får [Henrik](#) utflyttingsattest til Molde. Eg har ikkje greidd å finne noko i kyrkjebøkene, korkje for Bolsøy eller Molde, som stadfestar at han kom dit. - Utan å ha vore innom Molde er det lite truleg at han hadde råkt ho som snart skulle bli kona hans!

[Johanna Olsdotter](#) vart fødd 2. november 1839 og døypt [3. desember s.å](#)^[#17]. Kyrkjeboka fortel at ho var fødd utanfor ekteskap. Foreldra var «gaardmand» [Ole Jensen Toorhus](#) og pige [Gjertine Jensdtr](#). Ho vart konfirmert [15. oktober 1853](#)^[#1] i ([gamle](#))Bolsøy kyrkje.



Bilete frå [digitalmuseum.no](#) (Romsdalsmuseet) – «Bolsøygarden og Bolsøya kirke»

[Johanna](#) og [Henrik](#) har nok lagt ut på langferd innan dei vert ektefolk – dei giftar seg i Bodø [2. september 1860](#)^[#11]. Etter denne tid ser det ut til at han vert nemnd «[Henrik Sundem](#)». På nettsida «[gamlebodo.com/bodofirmaer](#)» er det eit notat om «[Sundem](#)». Sidan det er skrive at han er Numedøl*^{*} bør vi kanskje ta ikkje ta alt innhald bokstaveleg, men at han før 1860 var «[skreppehandler](#)» kan nok samsvara med at han selde eigedom i Ulnes i 1854. – [29. september 1860](#)^[#10] er det i Bodø Ministerialbok

ei innførsle om at «ægtef boghandler **H Sundem** (30 aar) og hustru **Johanna Thorhuus** (21 aar)» er innflytta «for at drive boghandel i Bodø by».



Bilete av «Sundem Boghandel» i Bodø frå digitalmuseum.no (Foto: [Norsk Luftfartsmuseum](http://NorskLuftfartsmuseum))



Slik såg det ut 20. oktober 2015. Garden til venstre for «Glasshuset» ([Storgata 16](http://Storgata16)) - Foto: OHF

Johanna og **Henrik** finn vi i [FT1865](#) busette i «Den vestlige Rode, gård nr 89» i Bodø kjøpstad. Her bur òg ein Bergensk «[Bogbinder](#)svend» og ei tenestejente frå nærområdet. [15. august 1867](#) finn vi i [panteboka](#) for Bodø eti tinglyst kontrakt der «*Boghandler **H Sundem** .. bortleier en Bekvemmelighed af det minste hus til [Telegrafværket](#) mod en aarlig leie paa 70 [Spdlrs](#)*».

[Teljinga i 1875](#) plassererer **Johanna** og **Henrik** i «*Kvartal 20, gard nr 89*» i Bodø kjøpstad. No har dei «*ButikJomfru*» og «*Tjenestepige*» i husstanden. Den sist opprekna tenestjenta er vel i tenest hjå «[Foged](#)» Christoffer Heiberg.

[21 juli 1879](#) skjøter **Henrik Sundem** eignedomen (*Løbenr.89 / Brandforsikringsnr.62*) til *Oscar Fredriksen* for 20 000 kr. 7. juli 1879 utferdar *Oscar Fredriksen* ein «[Obligation](#)» tik **H Sundem** på 24 000 kroner med 1 prioritets [pant](#) i same eignedomen. Båe transaksjonane er tinglyste 1. august 1879.

Etter å ha selt bokhandelen, har nok **Johanna** og **Henrik** sett kurs mot hovudstaden. [Ved teljing 1885\[#021&022\]](#) finn vi dei busette i [Huitfeldtsgt 2](#) i Kristiania. No er **Henrik** nemnd «*fhv. Grosserer*». Han er busett på same adresse då han døyr, av «*influenza og lungebetændelse*», [5. mai 1881\[# 63\]](#). Han vert gravlagd 12. mai s.å., truleg på [Vestre gravlund](#), dit Trefoldighet kyrkjesokn høyrer til.

Både ved [FT1900](#) og [FT1910](#) bur **Johanna(Hanna) Sundem** i [Sorgenfrigat 8](#) i Kristiania. I 1900 har ho *Marie Brenne* frå Ullensaker som «*enepige*». Ti år seinare er ho åleine i husstanden. Panteboka for Bodø, [nemnd tidlegare](#), har ein merknad om «*Betalinginnkrævelse dat 26/2, tgl 18/6-1902 frå Christiania Skifteræt hvorefter Hanna Sundem ifl ... Testamente af 17/6-1864 hensidder i uskiftet bo efter sin Mand L Sundem*». Eg har (enno) ikkje greidd å finne dødsinnførsla til Johanna.

Nasjonalbiblioteket har skanna boka «[H Sundems Bokhandel 1861 – 1961](#)». Frå [side 61](#) og utetter kan ein lesa litt om bokhandlaren frå Ulnes. Her er eit lite utdrag (side 62): «*Henrik Sundem skal ha vært en original, saavidt jeg kan forstaa en mand med meget beskjedne kunnskaper, men til overflod utstyrt med forretningssans, teft og evne til å tjene penger og å ta vare på sine penger*».

Henrik er nemnd på side 593 i «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*», band C.

*) Å nemne Henrik som Numedøl vert om lag som å si at ein Bodøværing kjem frå Sør i Helgeland ! Hadde ein skrive at han var Halling, hadde det i ein Valdris sine augo passa betre. I våre augo har Hallingane, slik som Henrik, teft og evne til å tene pengar – og å ta vare på dei !

- No skal det seiast at både Henrik og skrivaren av desse stubbane har noko av det same Hallingblodet i seg. Besteforeldra til Henrik var Hallingar – så han lever opp til myta. Stubbskrivaren har ikkje fått tildelt noko av desse «gåvene» - i så fall var det vel som saga seier om karen som «under krigen» kom til «[Forsyningsnemnda](#)» og ville ha attest for å få kjøpt seg tråsykkel. Løyve fekk han ikkje, og han gjekk ut frå kontoret med denne replikken til kontorleiaren: «*Mykje vét fekk du inkji- o dæ vesle du fekk- det vart skvetta i føe på dé* !

Materialforvaltar hjå LKAB

LKAB: [Luossavaara Kiirunavaara Aktiebolag](#)

Anders Pederson vart fødd 20/3-1864 i [Bruhallen](#) i Åbjør. Han vart døypt [10/4 s.å\[#63\]](#). Foreldre var grdrbr [Peder Andersen Bruhalden](#) og [Guri Andersdtr.](#) Dei hadde tidlegare i ekteskapet vorte foreldre til to gutar; **Anders** [Z1](#) f [Krydsjordet 4/8-](#), dpt [4/9-1859\[#45\]](#), død i Bruhallen [3/4-1863\[#11\]](#), gravl Aurdal 11/4 s.å. og **Anders** [Z2](#) f i Bruhallen 19/12-1861, dpt [26/1-1862\[#5\]](#), død i Bruhallen [23/6-1863\[#17\]](#), gravl 29/6 s.å. –

Den tredje sonen med namnet **Anders** (oppattkalling av både farfar og morfar) fekk etter kvart fire yngre sysken, men det er **Anders** vi slær lag med vidare i denne stubben. Eg lyt òg legge til at han var tremenning med ein av mine fire oldefedre.

Ved [FT1865](#) er **Anders** og foreldra busette som inderstfamilie på «*Mærket, Krydsjordet, Aaberg*», løpenr 342,302 og 299 i Aurdal sokn, Nordre Aurdal prgj. Dei budde då saman med foreldra og to av syskena til Anders. Går vi ti år fram i tid finn vi familien i [FT1875](#) busett i [Lillebrænden](#) lno 309 i Nordre Aurdal prgj.(garden vert i bygda nemnt «i Brennun»). [Panteregisteret](#) fortel at **Peder Andersen** kjøpte garden med skjøte, datert og tinglyst 5. mai 1875.

Anders vart konfirmert i Aurdal kyrkje [28/4-1878\[#3\]](#). Vi finn han att ved [FT1885](#), i Apothekeergade 3 i Kristiania. Han var då «*Visekorporal*» og vart skriven **A P Brandt**. Veslebror hans, [Andris](#) var registrert som «*Skoleelev*» med same adresse. Ser vi på den andre registrerte visekorporalen, [Killingmoe frå Aurskog](#) er det vel han vi finn omtala i «*Ingeniørvåpenets underofficerer 1887-1931*». Mykje talar for at **Anders** (A P Brandt) var utdanna i ingeniørvåpenet.

Dette vert stadfesta ved [FT1891](#), då vart han skriven *Ingeniørkommandørsergeant og jordbrugsarbeider*. Broren [Andreas](#) er skriven med *erhverv Jordbrugsarbeide*. Båe brørne finn vi registrerte i [teljkrins 3](#) (Åbjør), [husliste #31](#) (Lillebrænden), Personseddel [# 3](#) og [#4](#).

Så treffer vi på *kommandersersjant*, [Hasselviken Anders Pedersen Brandt](#) som brudgom, i [Vår Frue krk.](#), Trondheim [31/5-1896\[#12\]](#). Han gifta seg med **Mina Louise Larsdtr Öhr**, f 16/6-1871 i [Töftedal](#), Sverige, konfirmert [11/10-1885\[#17\]](#) i [Idd, Østfold](#). Foreldra hennar var arb. [Lars Peter Jonassen Öhr](#) og [Johanne Larsdtr.](#) Forlovarar var kommanderserg *G Vaaler, Trondhjem* og Gaardbr *K Hårberg, Hasselviken*. Det vart notert «*Giftetilladelse fra ..kommandoen af 9/6-96*».

Sonen **Ølve** [A](#) vart f i Hasselvika 1/5-, dpt i [Rissa krk](#), Statsbygd prgj. [25/7-1897\[#42\]](#), konfirmert i Narvik [12/5-1912\[#5\]](#). Dottera **Guðrun Johanne** [B](#) kom til verda i Hasvik 30/12-1898, dpt Rissa krk. [18/3-1899\[#18\]](#), konfirmert Narvik [18/5-1913\[#4\]](#). Så flytter familien til Narvik. Dei vart då foreldre til to born til; **Astrid Solveig** [C](#) f 28/8-, dpt [3/11-1904\[#101\]](#), konf [9/5-1920\[#3\]](#). og **Margit** [D](#) f Olsokdagen, 29/7-1907, dpt [31/3-1907\[#13\]](#), konf [8/5-1921\[#12\]](#). - Familien var registrert busett i Narvik, Ankenes herad ved [FT1900](#), ved [FT1910](#) i bygard, ått av LKAB, i Narvik kjøpstad. Lat meg samstundes nemne at malmtrafikken på [Ofotbanen](#) starta 1902.



Postkort – [lånt frå OXL](#)

Så ser det ut til at **Anders Brandt** har kjøpt garden [Miklebostad, gnr 39/3](#) i Ledingen, Steigen. Skjøta var datert 19/4-1919 og tinglyst 15/2-1922. Kjøpesum var kr. 12 000. **A P Brandt** sel eigedommen med skjøte datert 3/7-, tgl. 1/10-1828. Salgssummen er oppgeve til kr. 9 000.

På nettsidene «NSD - Data om det politiske system» finst [mange opplysningar om Anders Peder-
sen Brandt](#). Han var varamedlem til Stortinget for «[Det Frisinnede Venstre](#)» i tida 1922-1924 og 1925-
1927.. Her finst meir opplysningar om utdsnninga hans i [Ingeniørvåpenet](#). I tenestetida i Hasselvika var
han «[Oppsynsmann og vollmester](#)» ved [Agdenes befestningar](#).

«[Sømna: Gård og slekt](#)» band 4, side 514 fortel i ei [korrigeringsliste til band 3](#) at **A.P. Brandt**
var eigar av «bruk I» 1928-1941. Ut frå brukarliste i [band 3, side 245](#) ser det ut til at han har kjøpt garden
av Brønnøysund Sparebank. Dei var eigarar frå 1922 – etter det bygdeboka fortel. [Panteregister nr. 10](#)
[syner på side 143](#) ([Sømnes](#) gnr 50/1 i Brønnøy) at **A.P.Brandt og hustru Mina Brandt** 4/6-1928 gav
obligasjon til banken for kr. 35 000 med pant i Sømnes 50/1 – transaksjonen vart tinglyst 15/6-1928.

Ølve ^A gifta seg i Narvik [19/1-1920](#)^[#1] med **Marie Annette Marthinussen**, dotter til [Gabriel](#)
[Marthinussen](#) og [Abelone Haavardsdtr.](#), fødd Strømsund i Ankenes 4/6-, dpt Ankenes [23/7-1899](#)^[#28] og
konfirmert i Narvik [7/12-1913](#)^[#14]. Familien budde ved [FT1900](#) i Rombaksbotten, ved [FT1910](#) på
[Straumsnes](#) vestre gnr. 6/1 i Rombaken teljekeins, Ankenes herad. DISgravminner syner at **Ølve** ^A døydde
[3/6-1967](#), gravl. 9/6 s.å. medan **Marie Annette** døydde [15/1-1968](#), gravl. 29/1 s.å. Dei er gravlagde ved
[Sømna kyrkje](#).

Frå DISgravminner finn vi at **Gudrun Johanne** ^B døydde [12/1-1973](#). Under same gravstein finn
vi også **Tollef Hillestad**. Han var son til [Halvor Torleivson](#) og [Anna Hansdtr.](#), fødd 17/5- i [Gravdal på](#)
[Halsnøy](#), Eid sokn i Fjelberg prgj, dpt **Torleiv Lars** i Eid krk. [7/6-1891](#)^[#6]. Familien flytta til Bergen i år
[1900](#)^[#1-6]. Han og tvillingbroren([Hans Petter](#)^[#7]) vart konfirmerte i [Nykirken](#), Bergen [22/4-1906](#)^[#22].
Familien budde ved [FT1900](#) i [Nordnæsbakken 7](#), på same adresse ved [FT1910](#). **Tollef** døydde [18/7-1974](#).
Ektefolka er gravlagde på [Narvik østre gravlund](#).

Astrid Solveig ^C finn vi hjå DISgravminner med dødsdato [27/8-1995](#). Ho vart gravlagd ved
Sømna krk. 1/9 s.å. Frå boka «*Min tid - og det de gamle fortalte : gården Øyan i Sømna : en beretning*»
finn vi på [side 136](#) opplysning om at **Astrid** gifta seg med **Arne P Øyan**. Eg vil tru dette var **Arne Olaf**,
son til fiskar [Henrik Jæger August Pettersen](#) og [Karoline Regine Lorentsdtr.](#), f på Øian 23/4-, dpt Vik krk.
Sømna [9/7-1911](#)^[#21]. Han døydde [23/9-1988](#) og vart gravlagd ved Sømna krk. 23/9 s.å.

Som de kanskje har lagt merke til er eg ikkje nokon stor «fan» av GENI eller My Heritage. Men
[eit familietre hjå My Heritage](#) fortel at **Margit** ^D **Brandt** gifta seg med **John Nielsen**. Han var fødd i
[Jarmunnan](#), Sømna 19/2-, dpt Vik krk. [24/4-1903](#)^[#4]. Han var son til [Bendikt Nielsen](#) og [Ragnhild](#)
[Fredrikke Johansdtr.](#) Ved [FT1910](#) var familien busette i Jarmunden gnr 43/13 i Vik prgj. Det er opplyst
at **John** døydde i 1976. Dottera til **John** og **Margit** vart gift med barnebarnet til Oseas Emanuel Winnem.
Barnebarnet til Gurine Marie Eriksdtr [vart gift med son](#) til Oseas Emmanuel.



No hadde eg diverre inga bilete frå Sømna,
men Torghatten er i alle fall i grannekommunen.
(Foto OHF – mars 2011)

Ein lang båttur til kyrkje

Ein drugare tur enn tvers over Strøndafjorden



Gmd(*gaardmand*) [John Evensen Espelien](#) og h(*ustru*) [Marit Olsdotter](#) vart foreldre til ein gut 1/11-1828. Guten vart døypt i [Svenes kyrkje](#) 28. desember s.å.[\[#11\]](#) og fekk namnet **Ole**(Ola). Faddrane kom frå [Kollen](#), [Mitstrand](#) og [Hovrud](#). Guten vart konfirmert [14/7-1844](#)[\[#5\]](#). Familien er nemnde på side 687 i «*Gard og bygd i Nord-Aurdal, band D*». På eit par slektsgreiner er eg, langt uti, skyld Ola Johnson. Næraste knutepunkt er at mor hans, Marit, var syskenbarn til ein av tippippoldefedrene mine.

Neste gong vi treffer på **Ola Johnson** har han flytta seg langt. Han gifta seg i [Borge prgj.](#) i Lofoten [30/7-1858](#)[\[#6\]](#) med **Anne Kirstine Jensdotter**. «*Brudgommens Opholdsted*» ser ut til å vera [Hoinæs](#). Far til brura heitte iflg ministerialboka [Jens Eiderssen](#). Ho **Anne** skulle, etter innførsle ved dødsfall/gravferd, vara fødd på [Vinje i Gimsøy](#) i 1824.

Sonen **Johan Olai** [A](#) vart f på Høines på Vestvågøya 22/12-1859 og døypt i Borge prgj. [15/4-1860](#)[\[#5\]](#), konf i Vågan prgj. [25/6-1876](#)[\[#17\]](#). Innan barn nummer to, **Karl Kristian Martin** [B](#) kom til verda 2/2-1862 hadde familien flytta til [Vatnfjorden](#) i Vågan prgj. Guten vart døypt i [Gimsøy kyrkje](#) [18/5-1862](#)[\[#4\]](#) og konfirmert i Vågan [7/7-1878](#)[\[#39\]](#). **Anne Marthe Kirstine** [C](#) vart fødd i [Vestpollen](#) 23/12-1864, døypt i Gimsøy krk. [4/1-1865](#)[\[#4\]](#), konf [31/7-1881](#)[\[#41\]](#). Yngstemannen, **Odin Hendik Alfred** [D](#) var f i Vestpollen 13/10-1867, dpt Gimsøy [9/8-1868](#)[\[#19\]](#), konfirmert i Vågan [11/6-1883](#)[\[#4\]](#). Familien budde i Vatnfjord, løpenr 133a i Vågan ved [FT1865](#), då vart Ola skriven «*Gaardbr og leilæending*». I Vestpoll løpenr 26 b i Vågan ved [FT1875](#) er han «*Gardeier og Bruger. Fisker*».



På biletet til venstre skimtar vi Gimsøy kyrkje. Det er ein lang tur innan ein kjem til Vatnfjorden.

Ola Johnson vart enkjemann [28/1-1890](#)[\[#9\]](#). **Anne Kristine** har fått «Astma» notert som dødsårsak. Ho vart gravlagd 1/5- og jordfesta 11/5 s.å.

Ola Johnson skjøta eiegen Vestpollen-Solbakken, gardsnr 20/11 i Vågan til soneson **Martin Marcilius Johansen**. Skjøta var [datert 29.- og tinglyst 31/10-1888](#). Ved FT1891 budde **Ole**, dottera **Anne** [C](#), sønene **Karl** [B](#) og **Odin** [D](#) samt «*Tjener, Budeie og Husgjerning*» Pedrikke Kristensdotter på Vestpollleide, lno 25a1b ([#25](#)), [Husliste](#) og Personsedlar [f.o.m.](#) [t.o.m.](#) Eldstesonen **Johan** [A](#)

hadde gifta seg i Vågan [27/9-1883](#)^[#30] med **Kristofine Kristiane Jakobsdtr.** Ho var dotter til **Jakob Gjertsen**^[#] og **Gjertrud Birgitte Kristoffersdtr.**, fødd **Stensvik** i Tjeldsund 12/3-, døypt [10/5-1857](#)^[#6] i **Tjeldsund krk.** (Hol) i Lødingen og konfirmert i **Lødingen krk.** [20/6-1873](#)^[#6], då budde ho på **Ulvig**. Der var også familien registrert ved [FT1865](#).

Kristofine og **Johan**^A vart foreldre til: **Amalie Olea**^{A1} f 27/8-, dpt Vågan [19/7-1855](#)^[#47], konf [19/8-1900](#)^[#97]. **Hansine Bertine**^{A2} f 5/9-1886, dpt [10/7-1887](#)^[#32], konf [24/8-1902](#)^[#87]. **Martin Marcelius**^{A3} f 11/5-, dpt [15/7-1888](#)^[#47], konf [14/6-1903](#)^[#7]. **Jørgen Andreas**^{A4} f 16/4-1890, dpt [12/7-1891](#)^[#39], **Jens Olai Jørgen**^{A5} f 25/4-1892, dpt [2/7-1893](#)^[#17], konf [16/7-1907](#)^[#22]. **Ingeborg Rebekka Kristine**^{A6} f 14/6-1895, dpt [19/7-1896](#)^[#40], konf [30/6-1911](#)^[#108]. **Ole Johan Daae**^{A7} f 14/5-1898, dpt [9/7-1899](#)^[#26], konf [21/6-1914](#)^[#48].

Familien er busett i Vestpolleide løpenr 26bb i Vågan ved [FT1891](#)^[#24], **Husliste**, Personskjema: **f.o.m – t.o.m.** **Anna Adolfsen** (**seddel#3**) er dotter til **Kristofine** utanfor ekteskap. Ho var fødd i **Husvågen** 2/9-1881, dpt [11/6-1882](#)^[#43] og konfirmert [8/8-1897](#)^[#24]. **FT1900** syner familien busett på **Solbakken gnr. 20/11** i Vågan. Dei budde på same adresse ved [FT1910](#). Ved [FT1910](#) finn vi **Jørgen Andreas**^{A4} som elev ved **Røstad off. skole**, Hegle, Levanger.

Amalie Olea^{A1} gifta seg i Hadsel [24/8-1924](#)^[#34] med **Johannes Albin Hartviksen**, son til gbr. **Hartvig Johansen Sand** og **Berit Vinther**, f 10/4-, dpt Hadsel [11/9-1892](#)^[#86], konf [22/9-1907](#)^[#4]. **Johannes** døydde [31/12-1932](#), **Amalie Olea**^{A1} døydde [3/8-1948](#), gravl 9/8 s.å. **Sand kyrkjegard** i Hadsel. Dei var foreldre til **Ingeborg Akseline**^{A11} f Sand, Hadsel 5/5-, dpt Hadsel [9/8-1925](#)^[#95]. **Jens Johan**^{A12} f Sand 1/5-, dpt [3/8-1926](#)^[#81]. **Olaug Hansine Alfrida**^{A13} f Sand 22/10-1928, dpt [20/10-1929](#)^[#58].

Ingeborg Akseline^{A11} døydde [11/7-2003](#), gravl Haug kyrkjegard, Melbu 17/7 s.å. Gravsteinen syner ar **John Johnson** 11/3-1918 – [23/8-1989](#), gravl 30/8 s.å kviler her.

Hjå DISgravminner finn vi òg at **Jens Johan**^{A12} døydde [7/2-2003](#), gravl Sand kyrkjegr 13/2 s.å.

Martin Marcelius^{A3} vart gift i Vågan [23/4-1916](#)^[#8] med **Davida Bertine Andreassen**, f **Sløvra** i Hadsel 16/11-1882, dpt Hadsel [2/9-1883](#)^[#62], konf [13/6-1897](#)^[#36]. Ho var dotter til *enkemand* **Andreas Olsen** og pige **Sofie Nilsen**. Ved [FT1910](#) budde ho i Sløvren gnr 26/2 i Hadsel. **Davida** vart gravlagt [2/12-1964](#) s.å. **Martin** vart gravlagt [24/4-1968](#). Dei kviler på Kvalvik gravplass, Vågan.

Turen gjekk til **Skjærvøy kyrkje** då **Jens Olai Jørgen**^{A5} [5/10-1924](#)^[#8] vart ektemannen til **Malla Oline Bertine Olsen**. Ho var f på **Nøkklan** i Kvæningen 18/6-, dpt [18/9-1898](#)^[#21], budde på Bankene ved konf i **Kvæningen** [28/8-1913](#)^[#18]. Foreldra hennar var gbr **Ole Isak Johannesen Nøkklan** og **Oldine Kirstine Isaksdtr.** Ho var i [FT1900](#) hjå foreldre og sysken på Nøkklan gnr 40/1, ved [FT1910](#) var ho *Pleie-datter* på ein plass under Eidet indre, gnr 24/2 i Kvæningen. – Hjå DISgravminner finn eg ei **Malla Rønning** f 18/6-1898, død [19/5-1992](#), gravl 26/5 s.å. Strandlandet gravplass, Vågan. Ho ligg i grava inntil **Alfred Rønning** Laukvik 19/7-1880 – [7/5-1948](#). Han finn vi i [FT1910](#) på Laukvik i Gimsøy sokn.

Ole Johan Daae^{A7} edr vel karen som døydde [13/3-1978](#), gravlagd på **Kvalvik** gravplass, Vestpoll, Vågan 18/3 s.å. På gravsteinen står òg **Hilda Wilhelmine Johansen**, 18/8-1903 – [30/7-1999](#).

[17/10-1893](#)^[#16] var **Karl Kristian Martin**^B brudgom i Vågan krk. (**Lofotkatedralen**). Han gifta seg med **Petrikke Marie Kristensdtr.**, f i **Sundlandsfjord** i Gimsøy sokn, 12/2-, dpt Gimsøy krk. [5/5-1867](#)^[#3], konfirmert [9/9-1883](#)^[#2]. Ho var dotter til inderstparet **Kristian Nilsen** og **Oline Pedersdtr.** Dei budde ved [FT1875](#) i Vattenfjord-Haugen i Gimsøy sokn.

Petrikke og **Karl**^B vart foreldre til: **Ane Olea**^{B1} f Vestpolleidet 30/6-1892, dpt [9/7-1893](#)^[#27], konf [2/8-1908](#)^[#84]. **Paul Konrad**^{B2} f Vestpolleidet 25/3-, dpt Gimsøy [26/8-1894](#)^[#19], konf Vågan [20/6-1909](#)^[#37]. **Oscar Coldevin**^{B3} f 28/2-, dpt Gimsøy [16/8-1896](#)^[#18], konf Vågan [18/6-1911](#)^[#39]. **Bergiton Møller Ingvald**^{B4} f 20/6-, dpt Gimsøy [24/7-1898](#)^[#16], konf Vågan [21/6-1914](#)^[#46]. **Charlotte Marie**^{B5} f 1/10-1901, dpt Gimsøy [31/8-1902](#)^[#20], død (*kighoste*) Vestpolleidet [25/11-1906](#)^[#34], gravl Vågan 3/12 s.å. **Anna Josefa**^{B6} f Vestpolleidet 4/9-1904, dpt Gimsøy [27/8-1905](#)^[#21], konf Vågan [4/7-1920](#)^[#27]. Så kom **Rolf Jentoft**^{B7} f 14/8-1906, dpt Gimsøy [11/8-1907](#)^[#24], konf Vågan [12/6-1921](#)^[#27]. **Karl Martin**^{B8} var f på Grønås 22/4-1915, dpt Vågan [23/7-1916](#)^[#28]. Ved fleire av barnedåpane er det notert at dei høyrer til Vågan sokn, og har betalt 2 kroner for å få utført dåpstenesta i Gimsøy krk. Etter «*Smarte pengjer*» ville dette tilsvare ikr. 140 kroner i dag (2017).

DISgravminner syner at **Karl Kristian Martin Olsen**^B døydde [3/1-1957](#). Dette kjem også fram i ein **GENprofil**. Gravsteinen syner at dottera **Anne Olea**^{B1} døydde [16/12-1974](#) og sonen **Karl Martin**^{B8} døydde [7/11-2000](#). Dei er gravlagde på Kvalvik kyrkjegard i Vestpollen.

Vi finn **Paul Konrad** ^{B2} som brudgom i Kvæfjord krk. [4/5-1917\[#6\]](#). Bruar var dotter til gardbr. **Hans Olai Bendiksen** og **Berntine Elemine Nielsdtr**, f i **Vik**, Kvæfjord 22/8-1892, dpt **Birgitte Johanne** [25/6-1893\[#7\]](#), konf Kvæfjord [14/7-1907\[#18\]](#). Ved konfirmasjonen er *Kristeligflaten* skrive som fødestad, *Kristeligflaten* gnr 48/3 er også bustadadresse ved [FT1900](#). 10 år seinere er ho tenestjente på **Vogter** gnr 47/7 i Kvæfjord. - Hjø DISgravminner ser vi at **Paul Konrad** ^{B2} døydde [5/1-1983](#) og vart gravlagt på **Melhus kyrkjegard** 13/1 s.å. **Birgitte Johanne** døydde [28/5-1986](#), gravl 3/6 s.å.

Bergiton Møller Ingvald Karlsen ^{B4} finn vi også hjå DISgravminner, dødsdato [10/7-1991](#), gravlagd på Svolve kyrkjegard 16/7 s.å. Under same gravstein kviler òg **Bergithe Johanne Karlsen** f Engstad. Ho kom til verda i Børrevågen 27/10-1900, dpt [2/4-1901\[#7\]](#), konfirmert [25/6-1916\[#72\]](#), dotter til fiskar **Edvard Nikolai Martin Engstad** og **Ane Benedikte Rasmussen**. Dei er ved [FT1910](#) busett i Borvaag(Helle) i Vågan. **Bergiton** er nemnd på ein [GENIprofil](#).

På Kvalvik gravplass finn vi gravsteinen til **Rolf Jentoft** ^{B7} **Karlsen** Vestpoll. Han døydde [19/3-1980](#), gravlagd 25/3 s.å. I grava inntil syner gravsteinen namnet **Ingrid Rasmine Karlsen** ^{D3} (sjå nedanfor) Vestpoll. Ho var syskenbarnet til **Rolf Jentoft** ^{B7}, dotter til **Odin** ^D. Ho var f på Sandsletten 19/9-1901, dpt Gimsøy sokn [13/7-1902\[#7\]](#), død [5/11-1994](#), gravl 15/11 s.å. Dei er òg å finne på ovannemnde [GENIprofil](#).

Odin Hendik Alfred ^D vart [19/7/1892\[#14\]](#) gift med ei jente frå nærområdet, **Hilde Kristofa Rasmussen**. Ho var f på Sandsletten 22/8-, dpt Gimsøy 5/10-1873, konf Gimsøy [8/7/1888\[#12\]](#). Ho var dotter til *grdm* **Rasmus Angell Johannesen** og **Ingeborg Marie Kristoffersdtr**. Dei var ved [FT1875](#) å finne på Sandsletten løpenr. 133 i Gimsøy sokn, Vågan prgj, [FT1891](#) (Husliste #12) syner at dei bur på Sandsletten lno 133b i Vågan – [Husliste](#), Personskjema [f.o.m.](#) – [t.o.m.](#)

Hilda og **Odin** ^D fekk desse borna: **Margit Olette** ^{D1} f Sandsletten 16/4-, dpt Gimsøy [13/6-1897\[#3\]](#), konf Gimsøy krk. [21/7-1912\[#22\]](#). **Olaf Hilbert** ^{D2} f Sandsletten 26/9-1899, dpt Gimsøy krk. [8/7-1900\[#6\]](#), konfirmert Gimsøy krk. [19/7-1914\[#7\]](#). **Ingrid Rasmine** ^{D3} f Sandsletten 19/9-1901, døypt i Gimsøy krk. [13/7-1902\[#7\]](#). [FT1900](#) syner at familien budde på Sandsletten gnr 17/2 i Gimsø herad, same adresse, men med tillegg av *Vatnfjord* teljkrins, hadde dei ved [FT1910](#).

: **Margit Olette** ^{D1} gifta seg i Vågan krk [8/12-1918\[#69\]](#) med **Anton Jørgenius Eilertsen** Toften. Han var son til gmd **Joakim Eilert Edvardsen** og **Anna Jørgine Olsdtr**, f Vestpoll 8/6-1893, dpt **Vågan** [2/7-1894\[#31\]](#), konf Vågan [20/6-1909\[#36\]](#). Han budde ved [FT1900](#) saman med foreldra og fire sysken på Toften gnr. 20/2 i Vågan. [FT1910](#) syner at [gnr 20/2](#) ligg i Helle_Folstad teljkrins.

DISgravminner fortel at **Anton Jørginius** døydde [2/9-1960](#), gravlagd 8/9 s.å. medan **Margit Olette** ^{D1} døydde [21/5-1973](#), gravlagd 29/5 s.å. Dei kviler på Kvalvik kyrkjegard. Dei er tekne med i [ei nettside](#) hjå «MyHeritage».



Anderssønene Timann og Nils reiste ifrå Hipplesbygden til Svolve i Lofoten

Ola Timannson og Ragnhild Haldorsdtr (Skrautvøl) døypte dottera **Berit** i Svenes kyrkje [15/9-1805](#)^[Hside,6.ovanfrå]. Ho **Berit** vart skriven [Widste](#) ved konfirmasjonen i [Slidredomen](#) [16/7-1820](#)^[#23]. Ho gifta seg [1/11-1830](#)^[#22] med *ungkarl* [Ole Bjørnson Hippe fra Ourdahl, 34 aar grdmand](#). Dei fekk ei dotter og fire søner i lag. [Ola Bjørnson](#) døydde [28/5-1843](#)^[#5]. **Berit** gifta seg for andre gong, no i [Ulnes kyrkje](#), [13/9-1846](#)^[#3] med *Anders Tidemandsen* [Skrøvigen](#). Han var son til *gaardfolk* [Timann Tordson](#) og [Ingri Nilsdtr](#), dpt [3/1-1816](#)^[#10] og konfirmert i Røn krk. [7/8-1831](#)^[#11]. Eg gjer merksam på at **Berit Olsdotter** var tremenning til ein av mine tippoldefedre.

Berit og **Anders**(Andris) vart foreldre til to gutar: **Tidemand**(Timann) ^A f Hippe 18/9-, dpt Ulnes krk. [5/10-1846](#)^[#23], konf [14/6-1861](#)^[#10] og **Nils** ^B f Hippe 30/11-, dpt Ulnes [26/12-1848](#)^[#28], konfirmert Ulnes [2/7-1865](#)^[#17]. [FT1865](#) syner at brørne, far og stemor deira då var busette på [Steinde-eige](#)(*Stændeie*) i *Rognaas og Rye* teljekrins, Nordre Aurdal prgj.

Ho **Berit Olsdotter** døydde [1/6-1859](#)^[#9] og vart gravlagd ved Ulnes krk. 11/6 s.å. **Anders Timannson** gifta seg snøgt oppatt. [15/4-1860](#)^[#2] sa han «*ja-orda*» til **Guri Olsdotter** frå Rugnus. Han døydde [26/12-1882](#)^[#2] (skriven Anders Nilsen, bustad [Nøstedokken](#)) og vart gravlagd ved Ulnes krk. 13/1-1883 og jordfesta 28/1 s.å. Familien er nemnde på Hippe gnr. 49/3 og 24, sidene 463/464 i «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*» band C.



Vi ser over mot Syndei og Rugnusgardane. Syndeiselv går kvit med smeltevatn. Foto: OHF 24/5-2005

Ved [FT1875](#) finn vi *Løskarl, Fabrikarbeider* **Tidemand Andersen** busett på Kirkevaag [Kongsmarken](#) lno. 21b,22b,22ab i *Vaagen* prgj. Han vart då telld i lag med ein kar frå Verdalen og ein frå Lesja. **Timann** har både funne seg yrke - og nytta høvet til å bli kjend med ei jente i nærområdet, han vart skriven «*Smed*» då han vart gift i [Vågan krk.](#) [24/5-1878](#)^[#4] med **Ingeborg Severine Olsdtr**. Ho var dotter til husmannsfolka [Ole Abelsen](#) og [Ane Helene Ellingsdtr](#), f på *Skraaven*([Skrova](#)) 9/11-1853, dpt Vågan [23/5-1854](#)^[#7], konf Vågan [19/6-1870](#)^[#37]. Ved [FT1865](#) budde ho i lag med far, stemor og tre halvsysken på Skrova. Ved [FT1875](#) løyner ho seg godt, men eg undrast om ho vart skriven **Ingeborg Anna Olsdtr**, tenar og budeie i [Ørsvåg](#).

Fyrste barnet vart ei dotter - f i [Lerosen](#) 11/8-1879. Ho fekk namnet **Thora Emilie** ^{A1} ved dåp i Vågan [4/6-1880](#)^[#56] og vart konfirmert i Vågan krk. [1/7-1894](#)^[#20]. **Oscar Andreas** ^{A2} var f i Svolve 23/4-, dpt Vågan [12/7-1885](#)^[#28], konf Vågan [1/7-1900](#)^[#47]. Yngst var **Anna** ^{A3} f i Svolve 10/4-, dpt Vågan [3/8-1896](#)^[#46], konf [30/7-1911](#)^[#47].

Familien finn vi ved [FT1891](#)^(#31) busett i Svolve, [Husliste](#) – Personskjema [f.o.m](#) – t.o.m. Då vart **Tidemand** skriven som «*Smedemester for egen regning*». Dei hadde tenestjenta [Mathilde Marie Larsen](#) f [Trondenes](#) prgj. 1870, smedlærling [Albert Andreas Antonsen](#) f Ibestad 1871 og handelsbetjent [Wilhelm Martinius Jacobsen](#)^[#58] f Skjerstad 1865. Han er notert som «*Logerende hørende til familien*». [FT1900](#) syner at familien budde på gnr 18/1 [Lilleøen](#) Svolve. Dei har no ei tenestjente, ein Smedesvend og ein Smedelærling som bur i same husstand. Vi finn familien på same adresse også ved [FT1910](#). No er der berre **Anna** ^{A3}, yngste dotter, som bur hjå foreldra. Her er og ein Smedsvend, [Sylvestre Utnes](#) frå [Ibestad](#), og to læregutar, [Oskar Ekrem](#) frå Vågan og [Einar Olsen](#) frå Hadsel.

Ingeborg Severine døydde i Kabelvåg [27/6-1927](#)^[#11], gravlagd 1/7 s.å. Ein [GENIprofil](#) fortel at **Tidemand** døydde i Svolve [5/5-1936](#). Meir om førenamnet **Timann** finn de [her](#).

Thora Emilie ^{A1} vart gift [13/2-1910](#)[#3] , i Trondenes krk., gift med *Handelsmand* i Svolvær **Gunnar Sakarias Ørjansen**. Han var fødd på [Kvitnes](#) i Hadsel25/4-, dpt Hadsel [14/8-1870](#)[#95], konf Hadsel [13/9-1885](#)[#42]. Foreldra hans var husmannsfolka [Ørjan Simonson](#) f på [Holkasvik](#) i Ulvik i Hardanger [20/5-1821](#) og [Helene Kathrine Davidsdr.](#) [FT1875](#) syner familien busett på Ørjensletten(Kvitnes). [FT1900](#) syner at Gunnar Ørjansen då var *Handelsbetjent* hjå John Berg på [Svinø](#). – Ved [FT1910](#) var **Gunnar** «Agent i fiskevarer», på reise med *D/S R With* til Trondhjem. Han og **Thora** budde då i Svolvær gnr 18/2 i Vågan.

Gunnar og **Thora** ^{A1} vart foreldre til sønene **Eivind Tidemand** ^{A11} f 12/10-1910, dpt [11/6-1911](#)[#10] og **Gotfred** ^{A12} f Svolvær 15/8-1915, dpt Vågan [29/5-1916](#)[#45]. **Gotfred** døydde 9/11-1998 etter kva ein [GENIprofil](#) opplyser.

Oscar Andreas ^{A2} hadde truleg utvandra før FT1910 sidan han ikkje var teke med der. Han var registrert som Amerikansk statsborgar då han reiste frå Trondheim [24/6-1912](#) med reisemål Fargo, Nord Dakota. Han reiser saman med kona si, **Emma Tidemann**, også ho er Amerikansk statsborgar. Hjå DIS slektsforum finn de [meir info kring Oscar og Emma](#). Nettsida «Our Future Our Past» fortel at **Oscar** og **Emma** kom til Vulcan, Alberta (Canada) i 1918. Frå 1923 til 1927 dreiv dei eit pensjonat. Så frytta dei til Red Deer der **Oscar Andrew** døydde i Mai 1928. [Findagrave.com](#) og gravsteinen seier 1929. **Emma** gifta seg oppatt med *Donald M Gaunce*. Ho døydde [2/10-1978](#) og vart gravl på Highwood Cemetery.

Butikdame **Anna Tidemann** ^{A3} gifta seg i Bodø bysokn [23/2-1921](#)[#45] med urmakar **Karl Marius Hansen Strøm**. Han var fødd på Straum i Vefsn 21/7-, dpt [15/9-1895](#)[#13], konfirmert Vefsn prgj. 1909. Han var son til sagbruksarbeidar [Hans Ingebrigtsen](#) og [Oleanna Kristiansen](#).

Karl Marius og **Anna** ^{A3} fekk sonen **Gunnar Kristian** ^{A31} f Kabelvåg 11/2-, dpt [15/6-1924](#)[#8] i Vågan krk., iflg. DISgravminner gravl. Svolvær [5/10-1999](#).



Deler av smia til Tidemand er teke vare på - og er sett opp i eit bygg ved Svolvær barne og ungdomskule.



*Ei av oldebarna til Tidemand var på tur i Hippisbygden 23. oktober 2012
Foto OHF – 30/5-2010 og 23/10-2012*

Nils B Anderson finn vi som brudgom i Hafslo i indre Sogn [29/12-1884\[#6\]](#). Han gifta seg då med **Maria Simonsdotter**. Ho var dotter til husmannsfolka **Simon Kristofferson Elvethun** og **Mari Pedersdtr**, fødd [Elvatun 7/3-](#), dpt [Solvorn krk. 8/3-1863\[#19\]](#) (kvinnedagen), konfirmert i Hafslo [12/5-1878\[#77\]](#). Ho budde saman med foreldra, samt ein eldre bror og tre eldre systre ved [FT1865](#). Ti år etter, ved FT1875 var Maria «[Fostrepige](#)» hjå gardbrukar **Peder Markussen** og kona **Britte Lassedotter** på [Baten store](#) lno 85 i Hafslo.

Marie og **Nils B** vart foreldre til: **Berte B1** f [Sogndalsfjora 5/4-](#), dpt [Stedje krk. 24/5-1885\[#13\]](#), konfirmert Vågan krk. [19/8-1900\[#13\]](#). **Anders B2** f [Sogndalsfjora 31/3-](#), dpt [Stedje krk. 29/5-1887\[#18\]](#). **Marie Severine B3** f [Sogndalsfjora 24/4-](#), dpt [Stedje krk 23/6-1889\[#19\]](#), konf Vågan [krk 7/8-1904\[#34\]](#). **Torstine Eline B4** f [Sogndalsfjora 26/6-](#), dpt [Stedje krk. 27/9-1891\[#27\]](#), konf Vågan [12/8-1906\[#63\]](#). **IngvaldTheodor B5** f [Svolvær 25/3-](#), dpt Vågan krk. [15/7-1894\[#34\]](#), konf [20/6-1909\[#32\]](#). **Kristine Hansine B6** f [Svolvær 19/10-1896](#), dpt Vågan [21/8-1898\[#41\]](#), konf Vågan [30/7-1911\[#46\]](#). **Sigvart Olai B7** f [Svolvær 18/10-1897](#), dpt Vågan krk. [21/8-1898\[#65\]](#), konf Vågan [15/7-1913\[#14\]](#). **Kristoffer Marius Normann B8** f [Svolvær 26/1-1900](#), dpt Vågan krk [26/1-1902\[#4\]](#).

Eg fann ikkje familien i Fjæren(Sogndalsfjora) ved [FT1891](#), men i [FT1900](#) var dei busett på Lilleøen gnr 18/1 i Vågan. [FT1910](#) har dei registrert i Svolvær gnr 18/1 i Vågan.

Hjå DISgravminner finn vi at **Marie Andersen**.døydde [19/12-1938](#), gravlagd i Svolvær 23/12 s.å. Ektemannen **Nils B Andersen** døydde [19/12-1939](#), gravl. Svolvær 28/12s.å.

Marie Severine B3 gifta seg i Vågan [25/12-1916\[#85\]](#) med *kulsjauer* **Albert Annalius Albertsen**. Han var son til **Albert Angell Jakobsen** og **Ambrosia Maria Hansdtr**, fødd på Snevik i Borge prgj. i Lofoten 9/7-, dpt i [Borge krk. 29/9-1895\[#47\]](#), konfirmert Borge [5/6-1910\[#47\]](#). Eg ser at det andre førenamnet hans vart skrive både med ein og to n-ar. Kjerneområdet for namnet er iflg. «[Nordic Names](#)» Nordland fylke. Det ser elles ut til at eg gjorde meg opp dei same tankane som [TV2 si nettside](#) frå 20 dec 2013.

Torstine Eline B4 fann seg ein kar frå Ofoten. Han heitte **Kristian Lund Kristensen** og var fødd på [Lauvslett](#) i Ballangen 3/2-, dpt i [Evenes krk. 26/7-1891\[#36\]](#), konf Evenes [18/6-1906\[#41\]](#). Foreldra hans var fiskar **Kristen A Larsen** og **Anna Olsdtr**. Familien budde på *Løslætten* under gnr 65/6 ved [FT1900](#). Ti år seinare, ved [FT1910](#), budde Kristian saman med mor si og 6 yngre sysken samt bestemor si på husmannsplassen (Løv-)Sletten, Tjellebotn krins i Evenes herad. Han var då skriven *Teglværk*arb. og fisker.

Kristian og **Torstine B4** gjekk inn i ekteskap i Vågan [25/12-1916\[#84\]](#), [Evenes KB\[#0\]](#). Dei hadde 4/5 s.å. vorte foreldre til ein gut. Han var døypt i Evenes krk [27/8-1916\[#52\]](#) og fekk namnet **Kaare Ingvald B41**. Hjå DISgravminner finn vi at *maskinist* **Kristian Løvslett** døydde [21/11-1950](#) medan **Torstine B4** døydde [2/4-1989](#). Dei er gravlagde ved Kjeldebotn krk. Ein [GENiprofil](#) at sonen **Kåre Ingvald** døydde 29/10-2009.

Eit [spørsmål hjå DA/Arkivverket](#) syner at **IngvaldTheodor B5** døydde i Ålesund 23/9-1964. Han hadde vore gift med **Sandra Therese Olsen 27/3-0902[#55]** - [2/5-1943](#). I same emne kjem det fram at **Sigvart Olai B7** skal ha vore gift med **Aase Kristine Olaug Olsdtr** f 30/5-, dpt Vågan [25/8-1918\[#62\]](#).



[Kyrkja i Svolvær](#) – foto OHF 30/5-2010

Ektepar i Vesterålen med forfedre frå Valdres

Korleis skil ein mellom to Ingebrigt Olsen ? – Den eine vert «*Ingebrigt Valdres*»

Ingebrigt vart døypt i Lærdal prgj. [27/1-1839](#)^[#32]. Han var fødd 27/12-1838 og foreldra er i kyrkjeboka skrivne *hmd Ole Aslaksen Rullangseidet* og *Gunhild Ingebrigtsdatter*. Dei hadde gifta seg i Nord-Aurdal prgj. [23/9-1832](#)^[#18]. Gunhild og Ola er nemnde på side 65 i *Gard og bygd i Nord-Aurdal*, band C, men Ingebrigt (Embrik) er ikkje teke med i barneflokk.

Embrik(Ingebrigt) vart konfirmert i Ulnes kyrkje [10/7-1853](#)^[#4]. Han gifta seg i Vestre Slidre [25/3-1865](#)^[#5] med pike *Synnev Mikkelsdatter Snortum*, ho var bortimot dobbelt så gamal som Embrik, fødd 7/10- og dpt [20/10-1816](#)^[#46]. Paret er registrert busette i [Belgum](#)shagen, lno 113 i Nord-Aurdal ved [FT1865](#).



Foto OHF 1. juni 2010

Så fann eg **Embrik** (heretter skrive **Ingebrigt**) ved [FT1875](#) som sjølveigar på nordre [Oshaugen](#) i Eidsfjorden i Hadsel prgj. (i dag i [Sortland kommune](#)). Han var då gift med **Karen Halvorsdtr**, f på [Horge](#) i Lærdal prgj. 12/12-1848, dpt i [Borgund stavkrk 4/2-1849](#)^[#23] og konfirmert [12/6-1864](#)^[#13]. Foreldra hennar var [Halvor Torsteinson](#) og [Sila Tørisdtr](#), nemnde på [side 318](#) i Lærdal bygdebok «*Heim og ætt Borgund sokn*». Då eldste sonen vart døypt vart det notert i kyrkjeboka at paret var gift i 1871 i *Leirdal*, men eg har ikkje funne noko giftarmål i kyrkjebøker for Lærdal. - Sidan det heller ikkje er nemnt i Lærdal bygdebok tyder mykje på at heller ikkje Lærdølene har funne giftarmålet.

Karen(Kari) og **Ingebrigt** hadde ved teljinga to søner, **Ole Martin Hveding**^A f på [Frøskeland](#) 15/3-, dpt i [Sortland krk. 2/8-1874](#)^[#35], konf Hadsel prgj. [2/10/1892](#) og **Henning Georg**^B f [Sildpollen](#) 22/5-1875, dpt [12/8-1877](#)^[#120], konf Hadsel krk. [1/10-1893](#)^[#58].

Dottera **Gunhilde Marie**^C kom til verda på Oshaugen 25/2-, dpt [31/8-1879](#)^[#122], konf Hadsel [27/5-1894](#)^[#10]. **Sevald Ludvig Høiberg**^D f [Melfjord](#) 14/7-1880, dpt Eidsfjord krk [23/10-1881](#)^[#85], Till sist kjem **Else Kristine**^E f Sildpollen 18/8-1882, dpt Eidsfjord [25/7-1883](#)^[#14], konf Eidsfjord [20/6-1897](#)^[#21].

Ved [teljinga 1891](#) finn vi familien på løpenr. 154^{a,c} i teljkrins 12 (Holmstad-Sildpollen) i Hadsel herad ([Husliste](#) – Personskjema [f.o.m](#) – [t.o.m.](#)). Rett framfor i hovudlista finn vi også ein Ingebrigt Olsen. For å halda karane frå kvarandre har teljaren kalla Valdrisen **Ingebrigt O Valdres**.

Namnebroren, Ingebrigt Olsen, var frå Hadsel. Då han gifta seg [9/10-1862](#) ^[#23] vart det notert at han var 23 år gamal. Han var fødd i [Strømfjord](#) 15/4-, dpt [16/7-1839](#)^[#12]. Kona hans, Helene Dorthea, var fødd i Sildpollen 17/10-1839 og dpt [10/5-1840](#)^[#7].

72	1872 2 1872 2 2 Ingebrigt Olsen	3	3	3	3	97
73	1872 2 1872 2 2 Ingebrigt O. Valdres	4	2	4	2	98

Ved [teljinga 1900](#) bur **Karen** og **Ingebrigt Valdres** i Sildpollen gnr 94/2 i Hadsel herad. No er det berre yngstebarnet, **Else Kristine**, som bur saman med foreldra.

Husmann **Ingebrigt Olsen Bosjum**, gift, døydde i Sildpollen [5/4-1905](#)^[#2], Han vart gravlagd på [Holmstad kyrkjegard](#) 2/6 s.å. og jordfest 13/8 s.å. Det er notert fødestad Lærdal prgj. og dato 12/12-1839.

Enkje **Karen Halvorsen** vart ved [FT1910](#) registrert saman med dottera **Elise**^E og familien hennar på Sildpollen(plads) under gnr, 94/2 i Hadsel herad. **Karen** døydde på Stokmarknes sjukehus [1/5-1921](#)^[#2]. Ho vart gravlagd på Holmstad kyrkjegard 8/5-1921 og jordfesta 7/10-1923.



Holmstad kyrkjegard - Foto: OHF 1. juni 2010

Elise^E gifta seg i Eidsfjord krk. [21/5-1903\[#1\]](#) med **Karl Johan Martin Larsen**, f 22/3- i Hertvigen, Buksnes prgj. på Vestvågøy i Lofoten, dpt [16/7-1871\[#50\]](#), konf Buksnes [27/6-1886\[#8\]](#). Foreldra hans var inderstparet Lars Johan Christoffersen og Karen Marie Olsdr.

Karl Johan og **Elise**^E vart foreldre til denne barneflokken:

Karen Louise Erikke^{E1} f Sildpollen 14/7-, dpt [25/10-1903\[#15\]](#), konfirmert Bø prgj. [14/7-1918\[#36\]](#). DIS-gravminner syner at ho døydde [8/12-1976](#) og vart gravlagd på [Gravdalspollen](#) i Bergen. I same grav kviler **Johannes Skulstad** f [Tregereid](#) 31/10-, dpt Samnanger [19/11/1905\[#40\]](#). Han vart ved [FT1910](#) registrert på [Skulstad](#) gnr. 70/8 i Haus herad.

Ingberta Ferdinanda^{E2} f Sildpollen 10/6-, dpt Eidsfjord sokn [26/8-1906\[#16\]](#), konf Bø [19/6-1921\[#1\]](#). Ho døydde. iflg. DIS-gravninner, [5/8-2002](#) og kviler på [Bogen gravplass](#), Bø i Vesterålen. **Einar Andreas Johansen** f [Guvaag](#) 26/7-, dpt [24/9-1899\[#48\]](#), [FT1910](#), kviler under same gravstein. Han døydde [25/9-1972](#).

Ragnhild Berntine Josefine^{E3} f Sildpollen 4/9-1910, dpt [1/10-1900\[#30\]](#), konf Bø [20/6-1926\[#2\]](#), død [24/1-2000](#), gravl. 8/5-2000 [Stavne kyrkjegard](#), Trondheim.

Edel^{E4} var f Guvåg i Bø 2/12-1913, dpt Bø krk. [15/5-1915\[#29\]](#), død [26/9-1996](#), gravl. Fauske nedre gravplass. Her kviler ho saman med ektemaken, **Levin With** (Joakimsen) f på Ramberg i Bø 16/10-, dpt i Bø krk. [20/12-1903\[#31\]](#), konf Bø krk. [14/7-1918\[#21\]](#). Ved [FT1910](#) var han busett på [Ekkerbakken](#) i Ramberg. Ein GENprofil for **Levin With** [finn de her](#).

Til sist kom tvillingparet **Jens Høiberg**^{E5} og **Ingvald Johan**^{E6}. Dei var fødde i Guvåg 12/4-, dpt i Bø prgj. [24/8-1919\[#28 og #29\]](#). DISgravminner syner at **Jens** døydde [27/2-1983](#) medan **Ingvald** døydde [22/6-1995](#). Tvillingane kviler bae på [Bogen kyrkjegard i Bø](#).

[Bø bygdebok 1](#) nemner **Karl Johan**, **Elise Kristine** og borna på [side 393](#).

Henning Georg^B var ved [FT1900](#) gardsdrenghjå [familien Fredriksen på Melbu](#). ([Link2](#)). Han gifta seg [15/8-1901\[#13\]](#) med **Helmine Emilie Olsdr** f [Klepelven](#) i Bø 6/5-, dpt [6/8-1880\[#40\]](#), konfirmert i Hadsel krk. [16/6-1895\[#9\]](#). Farmor til **Helmine Emilie** var fødd på Espelieige i Etnedal, dette er årsaka til tittelvalet på denne stubben - så no høver det å gå over til ein ny stubb.

Fire sysken frå Espelieige i Etnedal reiste ut frå Valdres ei kom til Toten, ei til Overhalla og to til Hadsel i Vesterålen



Ektefolka **Knut Erikson** og **Marit Engebretsdotter** vert i «*Gard og bygd i Etnedal*», band B ([side 368](#)) nemnde på plassen Åmot under Ner-Espelié.

Knut var son til husmannsparet Erik Knutson og Brynild Knutsdtr og fødd i [Skaveldo](#) i Aurdal sokn, døypt i [Aurdal kyrkje 20/10-1784](#)^[Vside, 6.nedanfrå]. Ved [FT1801](#) bur Knut saman med foreldra og tre sysken i «*Schavelden, Ourdahls HovedSogn*».

Marit var fødd på [Lundeeige](#) i Etnedal, døypt i [Bruflat kyrkje 20/8-1780](#)^[Vside, 3.ovanfrå]. med faddrar frå Prestøyé, Lunde og Fjell. Foreldra hennar var Engebret (Embrik) Erikson og Ingebjørg Knutsdtr. «*Gard og bygd i Etnedal*» band C fortel på [side 117](#) at Ingebjørg og Embrik budde på Åseplassen under [Sø-Fjell](#). **Marit** er ved [FT1801](#) «*Pige, Tienestefolk*» på [Bruflat](#) gard.

Marit og **Knut** gifta seg i [Bagn kyrkje 15/3-1809](#)^[Hside, 5. nedanfrå]. Forlovarar var *Ole Andersen Røang* og *Ole Schavellen*. - Åtte månader etter, 18/11- vart dei foreldre til ein gut. Han fekk [3/12-1809](#) ^[Vside,3. ovanfrå], i Aurdal kyrkje, namnet **Erik**.

Erik var fødd i Skaveldeige og hadde faddrar frå Nordåkseige, Skaveldeige, Onstad, Anmarkrud og Skaveldo. Han er ikkje nemnd i «*Gard og bygd i Etnedal*». **Erik** finn vi seinare på Hadseløya i Vesterålen. [Stubben Erik/Barbo](#). **Erik** vart storebror 24/5-1812. Då kom systera **Ingebjørg** til verda på [Espelieige](#). Ho vart døypt [7/6 s.å](#)^[Hside,3.nedanfrå] i Bruflat krk. og konfirmert i Bagn krk. [19/8-1827](#)^[#8]. **Berit** var f 29/9-, dpt i Bruflat krk. [22/10-1815](#)^[Hside,3.nedanfrå], konfirmert Bruflat krk. [20/5-1830](#)^[#1]. Espelieige er notert fødestad for **Kari**, f 22/4-, dpt i Bruflat [16/5-1819](#)^[#25], konfirmert i Bagn krk. 23/6-1833. De finn meir om henne i stubben «*Etnedalskona på Stenerhaugen*». Yngstejenta, **Ingrid** vart f Espelieige 7/10-, dpt Bruflat krk. [11/11-1821](#)^[#72], konf Bruflat krk. [20/8-1838](#)^[#16].

Tanken var at denne stubben skulle starta med **Ingrid**, men lat meg fyrst ta med nokre liner om **Ingebjørg**. - For [året 1842](#)^[#17] er det innført ei melding om innflytting til Østre Toten. **Ingeborg Knudsdat** Espelieige, 30 aar er innflytta i 1833 frå *Søndre-Ourdal*. Føremålet med flyttinga var å vera «*tjenestepige*». Ho hadde med attest frå sokneprest Østvold, dagsett 18/12-1841.

Eg vil tru at flyttemeldinga hennar har tilknytning til det som skulle hende [24/2-1843](#)^[#10]. **Ingebjørg** vart då kona til ungkarl **Julius Olsen Fodstad**. Han var fødd på [Sukkestateige 5/1-](#), dpt i [Hoff krk. 16/7-1820](#)^[#128], konfirmert i *Østre Totens Hovedkirke* [5/10-1834](#)^[#46]. Foreldre var «*Qvinden*» Marte Pedersdr Sukkestad og «*gift mand*» Ole Arnesen Petterud, tjener.

Ingebjørg og **Julius** vart foreldre til **Marte Marie** ^A f 3/2-, dpt [29/5-1844](#)^[#58], konf Hoff krk. [3/10-1858](#)^[#34]. **Martin** ^B f 21/3-, dpt [7/6-1846](#)^[#82], konf Balke krk. [14/10-1860](#)^[#23]. **Berte Karine** ^C f Julius-stuen under [Evang 24/2-](#), dpt [30/4-1848](#)^[#55], konf Balke krk. [12/10-1862](#)^[#27]. **Tilla** ^D f Holstadeige 31/12-1856, dpt [3/5-1857](#)^[#73], konf Balke krk. [1/10-1871](#)^[#14]. - Eg vel å tru det er **Julius Olsen** vi finn død på Slagsvoldeige 25/12-1858^[#101], gravl. 31/12 s.å.


Ingebjørg Knutsdtr, **Marte Marie** ^A, **Martinus** ^B og **Tilda** ^D er ved [FT1865](#) busette på Madsbakken i Hoff sokn, Ø Toten. **Marte Marie** ^A hadde då sonen **Haagen**, f 16/2-, dpt [25/5-1862](#)^[#73], konf [1/10-1876](#)^[#4]. [FT1875](#) plasserer **Ingebjørg** og **Tilda** ^D på Daakka, lno 082 i Ø Toten. Dei har då **Berte Karine** ^C og mannen hennar, **Even Davidsen** og sonen **Johan Dyvard** ^{CI} på vitjing frå Hurdalen. **Ingebjørg Knutsdtr** døydde på [Billerudeige 21/10-1893](#)^[#33], gravl ved Hoff krk. 31/10 s.å.

Even Davidsen var f [Rognlia](#) i Hurdal 14/2-, dpt [3/6-1842](#)^[#43], konf [18/9-1864](#)^[#21]. Han var son til David Halvorsen Rognlien og Eline Evensdtr. - **Berte Karine** ^C og **Even** hadde gifta seg i Ø Toten [2/1-1873](#)^[#1]. Dei var foreldre til **Johan Dyvard** ^{CI} f 25/3-, dpt Hurdal [2/5-1875](#)^[#36]. **Hans Jørgen** ^{C2} f 8/3-, dpt [22/4-1877](#)^[#15]. **Martin** ^{C3} f 10/4-, dpt [8/6-1877](#)^[#19]. **Emil Ingvald** ^{C4} f 4/10-, dpt [30/11-1881](#)^[#47]. **Olaf** ^{C5} f 26/2-, dpt [12/4-1885](#)^[#11]. **Karl Edvard** ^{C6} f 28/12-1888, dpt [24/3-1889](#)^[#10]. ([FT1891](#), [FT1900](#), [FT1910](#))

Då er det på tide å ta turen nordover til Vesterålen

Ingrid Knutsdtr og Helmer Jokumsen på Indbjør og Gullstad i Hadsel

Ingrid hadde fått utflyttingsattest frå Sør-Aurdal dagsett [7. mai 1844](#)^[#4], men utan reisemål !



Kyrkjebokskrivaren kunne vel ikkje ha fått overlag god karakter i skjønnskrift ??

Ingrid gifta seg i Hadsel prgj [27/12-1854](#)^[#20] med ungkar **Helmer Gunelius Jocumsen** frå [Vasvig](#). Han var son til inderst [Jochum Schults](#) og [Ragnhild Andersdtr](#), fødd på [Ekern](#) 12/12-1833, dpt [15/4-1834](#)^[#34] og konfirmert i [Hadsel krk.](#) [24/6-1849](#)^[#6].

Ingrid og Helmer vart foreldre til **Lauritz Rask** ^A f [Indbjør](#) 4/1-, dpt [19/4-1855](#)^[#67], konf [11/6-1871](#)^[#31]. **Ida Helmine** ^B f [Indbjør](#) 3/8-, dpt [28/8-1857](#)^[#114], konf [9/6-1872](#)^[#31]. **Ole Andreas** ^C f [Indbjør](#) 5/4-, dpt [6/5-1860](#)^[#9], konf [19/9-1875](#)^[#29]. **Edvard Gunelius Berg** ^D f [Ekern](#) 25/2-, dpt [1/11-1863](#)^[#129], konf [28/9-1879](#)^[#33].

Familien var husmannsfolk. Dei var ved [FT1865](#) busette på [Gulstad](#) under løpenr 104b. Ti år seinare, ved [FT1875](#), hadde dei framleis bustad på Gulstad. Der bur dei også ved neste teljing; [Gulstad1891](#); ([Husliste31](#)) (Personskjema: [f.o.m](#) – [t.o.m](#)). **Helmer** vart ved det høvet skriven «*Husmand med jord*», forsørget av Hadsel [Fattigvesen](#). Dei hadde ved teljinga yngste son og svigerdotter som «*Besøkende*». Ved [FT1900](#) tok **Helmer** og **Ingrid** mot «*Fattigunderstøttelse*». Dei budde då i Tømmervik(Gulstad) under gnr. 53/1 i Hadsel herad. Mellom 1901 og 1904 var dei komne frå Hadsel til Svolvevær, der vi òg finn to av sønene deira. **Helmer** døydde i Svolvevær av «*Lungebetennelse og nyretilfælde*» [2/10-1904](#)^[#20], gravl. 5/10 s.å. medan **Ingrid** døydde berre to veker seinare, også i Svolvevær, av *Mavekraft*, [16/10-1904](#)^[#30], gravl 19/10 s.å.

Lauritz Rask ^A budde på Gulstad då han gifta seg [23/5-1879](#)^[#2] med **Anna Jakobia Andreasdtr**, dotter til [Andreas Samuelsen](#) og [Gisken Margrethe Johannesdtr](#). **Anna Jakobia** var fødd på [Hamnæs](#) 1/10-, døypt [28/10-1853](#)^[#65] og konfirmert i [Tjøtta krk.](#) [27/6-1869](#)^[#10]. Ved [FT1865](#) bur ho på Vintersete i Tjøtta.



Gimsøy krk. - foto OHF 31/5-2010

Barneflokken deira var: **Anna Gerharde Konstance** ^{A1} f [Haugen](#), Gimsøy 20/7-, dpt [Gimsøy krk.](#) [10/8-1879](#)^[#36], konf Gimsøy [1/7-1894](#)^[#42(48)]. **Henrik Ingvald** ^{A2} f [Falkfjord](#) i Hadsel 10/2-, dpt [3-1881](#)^[#43], død [10/6-1881](#)^[#25], gravl. 14/6 s.å. **Ragnvald Eliot Andor** ^{A3} f [Falkfjord](#) 27/6-, dpt Hadsel [6/8-1882](#)^[#53], død [28/2-1882](#)^[#24], gravl. Hadsel 4/10, jordf. 22/10 s.å. **Anton Lind** ^{A4} f [Falkfjord](#) 8/6-, dpt Hadsel [17/8-1884](#)^[#70], konf Vågan prgj. [30/6-1899](#)^[#36]. **Ragna Elida** ^{A5} f Svolvevær 18/2-, dpt [25/7-1886](#)^[#39], konf Vågan [18/8-1901](#)^[#21]. [FT1910](#) nemner også ein **Artur**, f 1900.

Familien er registrert busette på Lilleøen, gnr 18/1 i Vågan ved [FT1900](#), og i Svolvevær gmr. 18/2 i Vågan ved [FT1910](#). **Ragna Elida** ^{A5} er i [FT1910](#) òg registrert som «logerende Dampskipspike» i Taraldsgaardsveiten 3 i Trongheim kjøpstad.

Anna Gerharde Konstance ^{A1} har i [FT1900](#) sonen **Harald Arthur** ^{A11}, f [Kjepsø](#) 9/8-, dpt Vågan [10/9-1899](#)^[#64].

Anton Lind ^{A4} finn vi i [FT1910](#) busett i [Skuteviksveien](#) 44 i Bergen kjøpstad. Han var då gift med **Oleanna** frå Jølster. Eg vil tru at ho er **Oleane Marie**, f [Sanddal](#) 25/8-, dpt [Ålhus krk.](#) [26/8-1883](#)^[#20] med foreldre inderstparet [Andreas Olsen](#) og [Johanne Zakariasdtr](#) (f [21/3-1847](#)^[#19]), dei gifta seg [30/3-1880](#)^[#1]. [Johanne](#) har broren Johannes (Sandal) f 1/7-, dpt [2/7-1854](#)^[#11]. Ved [FT1900](#) driv Johannes *Slakterforretning* i Dverberg (på Andøya), ei **Oleanna Olsen** f 1883 i Jølster er rekna opp i husstanden. Eg vil tru **Anton** og **Oleanna** har møtt kvarandre einstads i Vesterålen. Dei gifta seg i [Sandviken krk.](#), Bergen [23/9-1901](#)^[#81]. Det vart då notert at **Oleanna** vart konfirmert i Sandviken – [17/4-1898](#)^[#121], **Anton** var fyrbøtar på dampskip.

Dottera **Agnes Antonette Marie** ^{A41} vart f i Beyersgt 42 i Bergen 7/6-, dpt Sandviken [31/8-1902](#)^[#165]. DISgravminner syner at ho døydde [26/6-1969](#) og er gravlagd på [Eiganes gravlund](#) i Stavanger. [FT1910](#) fortel at dottera **Anny** ^{A42} vart fødd i Bergen 24/4-1905.

Ida Helmine ^B fann seg ektefelle i Bø i Vesterålen. **Robert Martinius Hansen** var f på [Gimstad](#) i Bø 9/4-, dpt 16^{de} Søndag eft Trinit, [1/10-1854](#)^[#48], konf [30/5-1869](#)^[#4]. Foreldra hans var [Hans Jacobsen](#) og [Elen Margrethe Antonisdtr.](#) Paret er nemnde i ein [GENIprofil](#), men ingen av borna et tekne med. Ein annan GENIprofil har **Ida** og **Robert** med barneflokk. Dei er også godt dokumenterte i databasen [boslekt.com](#).

Ida Helmine ^B og **Robert Martinius** tok steget inn i ekteskap [13/7-1876](#)^[#6]. Dei tok nok «[Genesis 9.1](#)» på alvor, heile «*Femten barn gikk frem på rad*» - berre [tre færre enn i syskenlaget](#) hans [PeterW](#), Eg listar opp borna, med referansar til kyrkjebøkene.

Eldst var **Reinholdt Johan** ^{B1} f [Gimstad](#) 30/9-, dpt [Bø krk.](#) [10/12-1876](#)^[#126], konf [19/7-1891](#)^[#14], død [30/6-1903](#)^[#15], gravl. [10/7 s.å.](#) **Herman Eliot Oluf** ^{B2} f [Gimstad](#) 13/12-1877, dpt [24/3-1878](#)^[#4], konf [2/10-1892](#)^[#24]. **Johan Edvard** ^{B3} f [Vinje](#) 23/5-, dpt [Bø krk.](#) [27/7-1879](#)^[#36], konf [8/8/1893](#)^[#16]. **Jensine Eline** ^{B4} f [Vinje](#) 22/11-1880, dpr [Bø krk.](#) [13/3-1881](#)^[#4], konf [9/6-1895](#)^[#7]. **Agnes Petronelle** ^{B5} f [Vinje](#) 25/10-1882, dpt [4/2-1883](#)^[#2], død [19/9-1883](#)^[#38], gravl 23/9 s.å. **Agnes Iverine** ^{B6} f [Vinje](#) 2/7-, dpt [11/7-1884](#)^[#72], død [12/7/1884](#)^[#20], gravl 20/7 s.å. **Pauline Andrea** ^{B7} f [Duken](#) 20/7-, dpt [Bø krk.](#) [27/9-1885](#)^[#79], konf [17/6-1900](#)^[#24]. **Inga Kristine** ^{B8} f [Duken](#) 26/4-, dpt [Bø krk.](#) [24/7-1887](#)^[#26], konf [15/6-1902](#)^[#17]. **Sigurd Andor** ^{B9} f [Duken](#) 21/5-, dpt [28/7-1889](#)^[#41], konf [18/10-1903](#)^[#22]. **Alv Levin** ^{BA} f [Duken](#) 12/5-, dpt [26/8-1891](#)^[#30], konf [1/10-1905](#)^[#23]. **Ragna Vilhelmine** ^{BB} f [Vinje](#) 21/5-, dpt [23/7/1893](#)^[#25], konf [14/7-1907](#)^[#20]. **Alfred Nikolai** ^{BC} f [Duken](#) 19/3-, dpt [28/7-1895](#)^[#41], konf [24/10-1909](#)^[#19]. **Magnhild Amanda** ^{BD} f [Duken](#) 16/2-, dpt [25/7-1897](#)^[#27], konf [23/6-1912](#)^[#7]. **Anny Josefine** ^{BE} f [Duken](#) 24/5-, dpt [10/9-1899](#)^[#42], konf [21/6-1914](#)^[#28]. Til sist kom **Gudrun Marie** ^{BF} f [Vinje](#) 7/11-1900, dpt [Bø krk.](#) [2/6-1901](#)^[#13], konf [27/6-1915](#)^[#27].

Teljinga i 1891 fortel at familien bur på [Vinje](#), løpenr 2, 3^{b,a} i teljekrins 4 i Bø. [[Oversiktskjema](#), [husliste](#) og personskjema [f.o.m](#) – [t.o.m.](#)] - [Vinje](#), gnr 19/7 i Bø herad er bustad både ved [FT1900](#) og [FT1910](#). DISgravminner fortel at **Ida Helmine** ^B døydde [18/7-1928](#) og *gaardbruger* **Robert Hansen** døydde 13/1-1932. Dei kviler baa på [Duken kirkegård](#) i Bø.

[Syerske Jensine Eline](#) ^{B4} (skrive Eline Jensine) finn vi i Trondheim, [Nonnegate 27](#) ved [FT1900](#). Ho vart gift i [Nidarosdomen](#) [24/2-1907](#)^[#30] med enkjemannen, lagerbetjent **August Herman Bergmann**. Dei vert foreldre til sønene **August Hermann** ^{B41} f 18/7-, dpt [Vår Frue krk.](#) [4/8-1907](#)^[#32], død [2/12-1987](#), gravl. Vestre Gravlund, Oslo 22/6-1988 og **Rolf Vilhelm** ^{B42} f 9/1-, dpt [Vår Frue krk.](#) [17/4-1910](#)^[#14]. Familien budde ved [FT1910](#) i [Munkegate 52](#). **August Hermann** var f på [Hitra](#) 23/5-, dpt i [Fillan krk.](#) [27/7-1879](#)^[#62]. Han var son til *Unk.*, kontorbetjent [August Herman Bergmann](#) frå [Levanger](#) og *Pige* [Hanna Margrete Hansdtr.](#) Hjø [Strinda historielag sin wiki](#) kan de lesa om **August Hermann** ^{B41}, **Rolf Vilhelm** ^{B42} finn de meir om i «[Hvem er hvem](#)»1973 og hjå [Strindawiki](#). Han var gift med byråsjef [Randi Sæland](#) ([sjåHeH](#)), dotter til [statskonsulent](#) [Jon Sæland](#) og [Amalie Gunheim](#).- [DISgravminner](#) syner at **Eline Jensine** ^{B4} vart gravlagd på [Tilfredshet kirkegård](#) i Tondheim 5/11-1940.

Pauline Andrea ^{B7} var ved [FT1910](#) tenestjente hjå systera **Jensine Eline** ^{B4}. Ho kviler på [Tilfredshet kirkegård](#) i Trondheim, vart iflg. DIS gravminner gravl. [8/5-1935](#). Under same gravstein finn vi **Kristian Johan Schelderup Sørensen**, gravl. 26/5-1977. Han vart gift [4/10-1911](#)^[#21] i [Vår Frue krk.](#) med **Pauline Andrea** ^{B7}. **Kristian Johan** var f på [Sandstrand](#) 5/9-, dpt [Trondenes krk.](#) [10/10-1886](#)^[#83], konf [30/9-1900](#)^[#6]. Han budde ved [FT1900](#) på [Sandstrand](#) nedre, gnr 4/11 i [Trondenes](#) saman med foreldra, [Søren Andreas Olai Gabrielsen](#) og [Anne Dorthe Olea Olsdtr](#) samt brørne [Martin](#) og [Karl](#). [FT1910](#) fortel at han då var fyrbøtar på lokomotiv, busett i [Østersundgate 12](#) i Trondheim kjøpstad.

Eg vil tru det er **Alv Levin** ^{BA} (Robertson) vi finn gravlagd på [Brookeside Cemetery](#), [Englewood, Bergen Co.](#), [New Jersey](#). Han døydde i 1963. Under same stein kviler **Olga** (1896-1989).

[DISgravminner](#) fortel at **Gudrun Marie** ^{BF} døydde [1/7-1982](#) og vart gravl. 11/7 s.å. på [Duken kirkegård](#) i Bø. Gravstadane i Bø er registrert hjå «[Ecclesia](#)». Her kviler og ektemannen til **Gudrun Marie**, **Paul Marcellius Baade** f [Gimstad](#) 17/11-1895, dpt [17/5-1896](#)^[#14], konfirmert [2/7-1911](#)^[#40], son til [Martin Andreas Johansen](#) og [Amalie Sofie Pettersen](#). [Paul Marcellius](#) var både ved [FT1900](#) og [FT1910](#) busett på [Gimstad](#) gnr 24/6 i Bø.

Denne familien er nemnt på fleire nettsider. De finn dei i [Bø bygdebok, bd. 2, side 145/146](#). GENIprofil for **Robert Martinius** er [å finne her](#). *Boslekt* har [ei svært god oversikt her](#).

Ole Andreas ^C [Helmerson](#) fann seg også ektefelle i Bø prgj. Ho heitte **Andrina Sofie Olsdtr** og var f [Klepvelven](#) 24/5-, dpt [11/9-1861](#)^[#47] og konfirmert [Bø krk.](#) [18/6-1876](#)^[#17]. Ho var dotter til [Ole](#)

Andersen i Klepelven og Elen Anna Enoksdr. Familien er busett i Klepelven både ved [FT1865](#) og [FT1875](#). Dei er tekne med i databasen «[Slekt fra Vesterålen og Lofoten](#)».

Andrina Sofie og Ole Andreas ^C vart ektefolk [3. juledag 1880](#)^[#22]. Dei hadde då vorte foreldre til ei jente. **Helmine Emilie** ^{C1} f Klepelven 6/5-, dpt Bø krk. [6/8-1880](#)^[#40], konf [16/6-1895](#)^[#9]. Dei har flytta til [Gulstad](#) i Hadsel innan neste barn kjem til verda. Guten vart fødd 8/1- og fekk namnet **Peder Elliot** ^{C2} i Hadsel krk. [9/7-1882](#)^[#30], konf [12/9-1897](#)^[#36]. Så kom **Oluf Andreas** ^{C3} f [Melbo](#) 18/2-, dpt [29/6-1884](#)^[#27], konf [25/9-1898](#)^[#9]. **Anna Oline** ^{C4} f Melbo 10/6-, dpt [3/10-1886](#)^[#79], konf [30/6-1901](#)^[#72]. **Olea Antona** ^{C5} f Melbo 30/6-, dpt [28/10-1888](#)^[#86], død [19/7-1895](#)^[#23], gravlagd Hadsel 24/7 s.å. **Einar Berg** ^{C6} f Melbo 10/3-, dpt [27/7-1891](#)^[#58], konf [22/10-1905](#)^[#47]. **Ingvald Henrik** ^{C7} f Melbo 9/4-, dpt [23/7-1893](#)^[#53], konf [27/9-1908](#)^[#48]. **Olea Marie** ^{C8} f Gulstad 6/3-, dpt [19/7-1896](#)^[#45], konf [11/6-1911](#)^[#52]. **Olaf Andreas** ^{C9} f Melbo 6/7-, dpt [27/11-1898](#)^[#92], konf [27/7-1938](#)^[#53].

Familien er ved FT1891 Husmannsfolk på Melbo, gnr 103a i Hadsel. Det er notert at **Ole Andreas** ^C er «[Hovedsm på Både under Vinterfisket i Lofoten](#)». Dei er registrerte i [teljkrins 7. husliste #20](#). Person-skjema [f.o.m.](#) - [t.o.m.](#) Dei bur ved [FT1900](#) på [Riarhaugen](#) under gnr 52 i Hadsel. [FT1910](#) syner at familien er registrert i Husby teljkrins, under Gammelgaarden, Melbo, gnr 52/1 i Hadsel.

Helmine Emilie ^{C1} var ved [FT1900](#) tenestjente hjå familien Hansen ved [meieriet på Melbu](#). Ho gifta seg [15/8-1901](#)^[#13] med **Henning Georg Ingebrigtsen**, også med genmateriale frå Valdres (sjå [stubben om Ingebrigt Valdres](#)). **Helmine** og **Henning** hadde ved [FT1910](#) adresse Gammelgaarden, Melbo, gnr 52/1 i Hadsel. Dei vart foreldre til borna **Einar Henry** ^{C11} f Melbu 30/6-, dpt Hadsel krk. [10/9-1905](#)^[#87], konf [20/7-1919](#)^[#46], død [28/11-1978](#), gravlagd Haug kyrkjegard 5/12 s.å. Dottera **Edel Reidun** ^{C12} var f på Melbu 1/12-1906, dpt [28/7-1907](#)^[#37], konf [18/6-1922](#)^[#25]. Eg vil tru det er henne vi hjå DISgravminner finn død [19/9-2000](#), gravlagd på Nordstrand kyrkjegard 28/9 s.å. Ho kviler her saman med **Olav Fiske**, f [Fiskja i Surnadal](#) 28/8-, dpt [Mo krk. 14/10-1906](#)^[#9], død [3/12-1959](#), gravl 10/12 s.å. **Olav** var uekte son til meierske [Ildri Sveinsdr](#) og [Nils N Bolme](#). Han er nemnd i [ein GENprofil](#).

Bager Peder Elliot Olsen ^{C2} gifta seg i Steinkjer [25/2-1905](#)^[#7] med **Anna Bergithe Varnes**, dotter til skoletjener [Mantin Varnes](#) og [Olava Andreasdr.](#) Ho var f i Steinkjer 25/9-, dpt [5/11-1882](#)^[#31] og konfirmert [10/10-1887](#)^[#24]. Ved [FT1900](#) budde ho i Øvre Elvegade 19 i Steinkjer. I [FT1910](#) budde familien i Øvre Elvegade 27a,b. - Dei hadde då borna **Edel Augusta** ^{C21} f 13/6-, dpt [16/7-1905](#)^[#16], **Aasta Marie** ^{C12} f Mellemv. 8 i Trondheim, dpt [Lademoen krk. 13/9-1908](#)^[#177], **Astrid** ^{C13} f 7/1-, dpt Steinkjer [20/2-1910](#)^[#6]. Sonen **Erling Asbjørn** ^{C14} vart f i Østersundgt 18, 28/3-, dpt Lademoen krk. [12/5-1913](#)^[#84]. **Peder Elliot** emigrerer frå Trondheim [25/3-1914](#) med reisemål Minneapolis, Minnesota. Det ser ut til at han skriv seg **Peder Elliot Melbo** etter å ha kome «over there». Findagrave.com fortel at han døydde [3. mai 1970](#) og er gravlagd på Sunset Memorial Park i Minneapolis, MN.

Han må ha gifta seg oppatt i USA med **Karen Kristine Kvernes**. Ho var dotter til husmann [Andreas Olsen](#) og [Ingerid Pedersdr.](#) f på Charlottenlund under [Kvernes prestegard](#) 16/9-, dpt [Kvernes krk. 18/10-1881](#)^[#14], konf [7/10-1906](#)^[#5]. ([FT1900](#)) - [GENprofil](#) - Ho fekk [1/8-1913](#)^[#1] utflyttingsattest med reisemål Amerika. **Carrie** og **Elliot Melbo** hadde ved [Census1940](#) adresse 3306 Lincoln Street, Minneapolis, MN. Findagrave syner at **Karen Kristine** døydde [6/12-1967](#) medan **Peder Elliot** døydde [3/5-1970](#). Dei kviler på [Sunset Memorial Park Cemetery](#) i Minneapolis. Findagrave syner elles at dei hadde sønene **Orville** (1919-2003), **Harold** (1920-2007) **Roland** (1922-1939) og dottera **Elanor Christine** gift **Matlock** (1927-2000).

Eg har elles ei kjensle av at dottera frå fyrste ekteskap, **Edel Augusta** ^{C21} kan ha gifta seg med [Petter Leth-Olsen](#) f [7/10-1909](#)^[#30]. DISgravminner syner at **Edel Augusta** døydde [4/12-1996](#) medan **Petter** døydde [18/1-1986](#). Båe kviler på Tilfredshet kyrkjegard i Trondheim. **Aasta Marie** ^{C12} gifta seg i Lademoen krk. [22/8-1931](#) med fyrbøtar **Martin Ludvig Næss**. Han døydde [25/4-1966](#) medan **Åsta** døydde [26/10-1979](#). Dei er gravlagde på Lademoen kyrkjegard, Ein finn vidare at ei **Astrid Aalberg** f 7/1-1910 døydde [2/9-1994](#) og vart gravlagd 9/9 s.å. i Steinkjer. **Erling Asbjørn** ^{C14} finn vi på Lademoen kyrkjegard. Han døydde [27/2-1972](#), gravl. 19/5 s.å. Under same gravstein kviler **Gudrun J Olsen** (3/9-1912 – 17/3-2008). Ein kan legge merke til at [databasen velogen.net](#) har lista opp [Odd Kunzmann Olsen](#) som sonen til Peder Elliot, men innførsla for dåp, mandkjøn [3/6-1923](#)^[#76] i Lademoen ministerialbok syner utan tvil at **Odd** er son til ugift dampskipskock **Fritz Kunzmann** og den «etterletne» kona **Anna Birgite Olsen f Wærnes**.

Oluf Andreas ^{C3} hadde flytta til Trondheim. Han vart skriven [Kjedelsmed](#) då han sto brudgom i [Bakke krk. 23/9-1906](#)^[#183]. Han gifta seg med tenestjente **Laura Gunhilde Othelie Pedersdr.** ([Transkribert info](#)) - Ho var fødd i Trondheim 10/5-, dpt i [Vår Frue krk. 6/9-1885](#)^[#46], konf [Skaun krk.](#),

[Børsa 1/10-1899](#)^[#12]. Foreldra hennar var tenar [Peder Eriksen](#) og [Anna Iversen](#). Eg undrast på om det er **Laura** vi finn som tenestjente på nordre Lefstad ved [FT1900](#). **Laura** og **Oluf** fekk dottera **Aleksandra** [C31](#) f Nedre Bakklandet 39 20/1-, dpt Bakke krk. [3/3-1907](#)^[#62]. Familien budde ved [FT1910](#) i [Møllen, Trolle, Trondhjem kjøpstad](#).

Ingvald Henrik [C7](#) (Helmersen) gifta seg i Hadsel krk. [1/7-1926](#)^[#15]. Brura var **Sigrid Helene Larsdtr** (Iversen) f på [Hov i Hadsel](#) 31/7-, dpt [24/9-1893](#)^[#80], [konf 31/5-1908](#)^[#60]. dotter til [Lars Sofus Iversen](#) og [Ane Margreta Hansen](#). Sonen **Finn Asbjørn** [C71](#) vart fødd 15/7 på Melbu, døypt [27/5-1928](#)^[#6]. DISgravminner syner at **Ingvald Henrik** [C7](#) døydde [11/11-1966](#), gravl 17/11 s.å. **Sigrid Helene** døydde [14/12-1881](#), gravl 21/12 s.å. og **Finn Asbjørn** [C71](#) døydde [8/10-1973](#), gravl 15/10 s.å. Alle tre kviler på Haug gravplass, Melbu. [Ein profil hjå GENI](#) syner at **Finn Asbjørn** hadde minst to sysken.

Olea Marie [C8](#) døydde iflg. DISgravminner [2/9-1932](#) og vart gravlagd 8/9 s.å. Ho kviler saman med mor si på Haug gravpl.



Det var vel ikkje langt unna Lyngværstrand då eg tok bilete av Gimsøybrua (31/5-2010)

Edvard Gunelius Berg [D](#) fann seg ektefelle i granneregionen. Han sto brudgom i [Gimsøy krk.](#) Brura var dotter til [Hans Enoksen](#) og [Ane Ovidia Hansdtr](#) og var fødd på [Lyngværstrand](#) i Vågan 17/8-, dpt i Gimsøy krk. [16/9-1860](#)^[#31], konfirmert i Vågan [10/7-1877](#)^[#15]. Ved [FT1891](#) er paret på vitjing hjå foreldra til **Edvard**, på Gullstad, Hadseløya. Det er notert at dei som «*sædvanligt Bosted*» har tilhald i [Brettesnes](#) på [Stormolla](#) i Vågan. Ved [FT1900](#) bur familien på [Lilleøen](#)(Svolvær), gnr 18/2 i Vågan. Dei hadde då sønene **Einar Oliver** [D1](#) f Brettesnes 20/2-, dpt [19/7-1896](#)^[#48], konfirmert Vågan [19/6-1910](#)^[#5] og **Harald Johan Sten** [D2](#) f i Svolvær 2/11-1899, dpt Vågan krk.([Lofotkatedralen](#)) [7/8-1900](#)^[#49], [konf Vågan 21/6-1914](#)^[#4]. Famillien hadde ved [FT1910](#) bustadadresse Svolvær gnr. 18/2 i Vågan herad.

Harald Johan Sten [D2](#) var brudgom [30/12-1920](#)^[#66]. Han gifta seg i Vågan med **Marie Johanna Gustava Hermansen**. Ho var fødd 3/7-1900 og dpt i [Trondenes krk.](#) [15/9-1901](#)^[#99]. Ministerialboka fortel at foreldra var handelskarl [Johan Oluf Hermansen](#) frå Hälsingland og *gift kone* [Nikoline Kaspara Johansen \(Rystad\)](#), fødd i Borge i Lofoten. Dei er ved [FT1900](#) ^[#003-006] registrerte i Harstadhavn under gnr 61/1 i Trondenes herad. [FT1910](#)^(#018-021) syner «*Dampskibspige*» [Nikoline Rystad](#) og borna **Anna, Marie** og **Herman Hermansen** busette i Svolvær gnr 18/2 i Vågan.

Marie og **Harald Johan** [D2](#) fekk desse borna: **Norma Johanne** [D21](#) f 19/4-, dpt Vågan krk. [12/8-1921](#)^[#43]. **Hans Edvard** [D22](#) f 11/4-, dpt Vågan [12/8-1921](#)^[#43] og **Odd** [D23](#) f 28/12-1922, dpt [12/8-1923](#)^[#23]. DISgravminner syner at **Norma Johanne** [D21](#) døydde [5/5-1990](#). Ho kviler på [Svolvær kyrkjegard](#) saman med **Petter Evald Dahl Kristiansen** ([25/3-1920](#)^[#46] – [5/12-2007](#)). **Odd Helmersen** [D23](#) vart kjend som kunstmålar, sjå m.a. [artikkel i Store Norske Leksikon](#). Han døydde [9/11-2012](#). Lofotposten hadde eit oppslag 9/5-2013: «[Minnes Helmersen](#)».



Om ho Ingri ikkje hadde reist frå Etnedalen – då hadde vi aldri sett dette måleriet

Frå Etnedalen via Susendalen til Hadsel i Vesterålen og seinare eit opphald i «America»

Erik Knutson kom til verda i [Skaveldeige](#) 18/11- og vart døypt i [Aurdal kyrkje](#) 3/12-1809 [[Vside,3.ovanfrå](#)]. Eg finn han ikkje konfirmert, men der er ikkje innført konfirmasjonar for året 1824 i Sør-Aurdal prestegjeld.

Ungkar, soldat og husmann **Erik Knutson Bruflateige**, 24 år gml. gifta seg i [Bruflat kyrkje](#) 6. oktober 1833 [#22] med **Pige Barbro Syversdtr** frå nørre [Hestkinneige](#), 22 år gamal. Ho var fødd 2/2- på [Kyrkjebjørgeige](#), dpt i Bagn krk. 16/2-1812 [[Hside,2.ovanfrå](#)] med faddrar frå Kyrkjebjørge og [Jukam](#). Ho vart konfirmert i Bagn krk. 25/6-1826 [#2]. Foreldra hennar var [Syver Toreson](#) og [Kari Jakobsdotter](#). Dei er nemnde som sjølveigarfolk i [Brendahaugen](#) i «*Gard og bygd i Etnedal*», [band B, side 51](#) ([permalenkje](#)). Lat meg nemne at [Syver Toreson](#) er bror til ein av mine 16 tipptipoldefedre.

Barbro (Barbo) og **Erik** var husmannsfolk på Bruflateige då dei vart foreldre 7/1-1835. Den fyrste-fødde vart døypt 14/2-1835 [#14] og fekk namnet **Marit** ▲ (etter farmora). **Karen Karine** ■ var fødd i [Espeli](#)-eige 6/6-, dpt (stadfesta heimedåp) Bruflat krk. 9/7-1837 [#22]. **Siri** ■ vart fødd 28/7-, dpt i Bruflat krk. 6/9-1840 [#46]. Espelihagen var då skrive som bustad for husmannsfamilien. Dei er omtala i «*Gard og bygd i Etnedal*», [band B, side 330](#). Det er og [ein GENI-profil](#) for denne familien.

[13/5-1844](#) [#5-10*] (* her er det kome inn eit nummer for mykje) fekk **Erik**, **Barbro** og dei tre døtrene utferda utflyttingsattest med reisemål Nordland. **Erik** «*Fandtes ikke døbt her i Præstegjeldet*». Personen framfor, **Ingri Knutsdtr Espelieie** er skrive om i førre stubb.

På ferda nordover auka barnetalet i familien. Ei dotter vart fødd i [Susendalen](#) 2/12-1844. Ho vart døypt i Vefsn prgj. 22/7-1845 [#61] og fekk namnet **Gurine Marie** ■. Faren vart då skriven «*rydningsmand*». Mellom faddrane finn vi namn som Susendal, Bogfjellmo og Røsvassholm.

I [1845](#) [#6-11] er familien noterte som innflytta til Hadsel prgj. «*Ægte folkene Erick Knudsen (36 år), hans kone Barbra Sivertsdatter (33 år), deres børn: Marith (10 år), Karen Carine (9 år), Sirie (5 år) og Gurie Marie (1 år).* - Attest fra [sognep Østvold](#) 13. Mai 1844, paategnet af [sognepræst Qvele](#) i Vefsen under Juli 1845.»

Marit ▲ vart konfirmert i Hadsel krk. 24/6-1849 [#14], **Karen Karine** ■ 10/6-1855 [#6], **Siri** ■ 8/6-1856 [#7] og **Gurine Marie** ■ 17/6-1860 [#12].



Hadsel krk. - foto OHF 1. juni 2010

Barbro og **Erik** ([Skinnfeldarbeider](#)) budde ved [FT1865](#) på Stranden i Ulvøen ytre skuledidtrikt, under løpenr 104b, hjå dottera **Marit** ▲ og familien hennar. 30/7-1869 [#9] fekk **Erik Knuds**, 61 år gamal,

bustad Guldstad utflyttingsattest med reisemål *America*. Han har synt fram attesta datert 13/5-1844 (sjå ovanfor) – så eg kjenner meg svært trygg på at dette er *Erik frå Skaveldeige* som atter ein gong har fått kveikt utferdstrongen. - Når vi deretter finn at **Barbro Syversdotter**, «*Erik Knudsens kone*», 67 år gml, får attest for Amerikareise [19/5-1872](#)^[#8], då tvilar eg ikkje på at Erik og Barbro kryssa Atlanterhavet. Der ser ut til at Barbro hadde fylgje med den 19 år gamle Johan Kristian Olsen Haug.

Barbro finn eg ikkje meir opplysningar om, eg undrast på om ho døydde i «*America*». Men han **Erik Knutson** var komen attende til gamlelandet. Ministerialboka syner at *inderst Erik Knudsen* f 1809 i *Valders*, bustad *Ongstad*, døydde [12/8-1895](#)^[#19] og vart gravlagd 3/8 s.å og jordfesta 10.november s.å.

Dei fire døtrene gifta seg i same rekkjefylgje som dei var fødde. **Marit** ^A vart såleis fyrst ute. Ho sto brur i Hadsel krk. [30. juli 1854](#)^[#7], brudgom var *ungk. Hans Elias Johannesen Lekang*. Han var fødd på *Åsbak* i Fauske, dengong i *Skjærstad* prgj. 5/6-, heimedøypt 8/6-, dpt *Skjærstad krk.* [13/7-1828](#)^[#213]. Ministerialboka fortel at han var 7. barnet til gardbrukarfolka *Johan Johnsen* og *Kristina Christensdtr.*

Hans Elias og **Marit** fekk ein stor ungflokk. **Eline Marie** ^{A1} fødd på Melbo innan foreldra vart ektefolk. Ho kom til verda 18/3-, dpt Hadsel [14/5-1854](#)^[#12], konf Hadsel [12/6-1870](#)^[#9]. Deretter kom **Johan Christian** ^{A2} f Lekang 8/1, dpt [1/6-1856](#)^[#14], død av «*Halsbetændelse*» [30/1-1862](#)^[#14], gravl Hadsel 2/2 s.å. **Kristian Bertinus** ^{A3} f Gulstad 28/2-, dpt Hadsel [25/6-1858](#)^[#55], konf [21/9-1873](#)^[#25]. **Edvard** ^{A4} f Gulstad 1/1-, dpt Hadsel [14/7-1861](#)^[#41], konf [24/9-1876](#)^[#32]. **Johanna** ^{A5} f Gulstad 28/6-, dpt Hadsel [1/11-1863](#)^[#128], konf Hadsel [10/6-1878](#)^[#25]. **Hilda Marie** ^{A6} f Gulstad 24/3-, dpt Hadsel [16/9-1866](#)^[#87], konf [13/6-1880](#)^[#56]. **Anton** ^{A7} f Gulstad 13/6-, dpt Hadsel [27/9-1868](#)^[#106], konf [4/10-1883](#)^[#13]. **Petra Jensine** ^{A8} f Gulstad 8/3-, dpt Hadsel [23/6-1871](#)^[#59], konf Hadsel [14/6-1886](#)^[#14]. **Lovise Pauline** ^{A9} f Gulstad 22/3-, dpt Hadsel [9/3-1873](#)^[#50], konf Hadsel [10/6-1888](#)^[#42]. **Laura Karoline** ^{A10} f 30/8/-, dpt Hadsel [10/10-1875](#)^[#153], konf [7/6-1891](#)^[#32]. **Helga Elise** ^{A11} f Gulstad 24/2-, dpt Hadsel [21/8-1881](#)^[#61], konf Hadsel [7/6-1896](#)^[#28].

[FT1865](#) syner at familien bur på Stranden under løpenr. 104^B (Gulstad) i Hadsel. Ti år etter, ved [FT1875](#) er bustadsnamnet Gulstadstrand, løpenummer 104. - Husmannsenkje **Marit Eriksd** døydde «*hos sønnen*» på Guldstad [23/8-1892](#)^[#21] og vart gravlagd /jordfesta ved Hadsel krk 28/8 s.å.

Eline Marie ^{A1} hadde vore fadder for eit syskenbarn og to av veslesystrene sine innan ho vart gift [6/9-1877](#)^[#23] med **Hans Andreas Olsen** frå *Utbjørg*. Han var son til *Ole Andreassen* og *Mætha Christine Christophersen*, f 17/4-, dpt [11/7-1847](#)^[#14], konf Hadsel [14/6-1863](#)^[#14]. Ved [FT1875](#) bur han på *Utbjørg*, lno 83 i Hadsel.

Olaf Martin ^{A11} var namnet til fyrste barnet. Han var fødd på *Utbjørg* 1/5-, dpt Hadsel [14/7-1878](#)^[#90]. Så kom **Ragna Erikke** ^{A12}. Ho var f på *Ongstad* 23/1-, dpt Hadsel [9/7-1882](#)^[#33], konf Hadsel [13/6-1896](#)^[#19]. Så kom **Håkon Meyer** ^{A13} (*Håkon Ongstad*) f 9/6-, dpt [7/9-1884](#)^[#79]. Han var ikkje konfirmert (etter notat ved giftarmål). **Elfride Borghilde** ^{A14} f Ongstad 16/9-, dpt [6/5-1888](#)^[#1], konfirmert [29/6-1902](#)^[#71]. **Hilma Eline** ^{A15} f 26/5-, dpt [10/8-1890](#)^[#51], død [15/11-1892](#)^[#31], gravl 27/11 s.å. **Peder Elias** ^{A16} f Ongstad 1/5-, dpt [13/6-1892](#)^[#19], konf [22/9-1907](#)^[#47].



Tippoldebarnet til Barbro og Erik synte fram mange gravstader på Haug kyrkjegard våren 2010

Olaf Martin ^{A11} budde ved [FT1891](#) på *Ongstad* løpenr. 93B i Hadsel. I [FT1900](#) finn vi han som *Værkstedarbeider ved det mekaniske Værksted*, busett i Innherredsvegen 25 i *Trondheim* kjøpstad, Han vart skriven *Olaf Hans. Ongstad, ugift Maskiningeniør*, bustad *America*, då han reiste frå *Trondheim* via

Oslo [12/3-1908](#) med Minneapolis, Minnesota som reisemål. Det er i så fall denne karen i [Census1920](#). [Findagrave](#) syner at [Olaf M Ongstad](#) døydde [30/10-1923](#) og kviler på [Greenwood Cemetery i Bemidji](#). Beltrami Co. Sønene [Harry](#) [A111](#) (11/2-1909 – [27/7-1986](#)) og [Earl](#) [A112](#) (7/4-1920 – [27/6-1986](#)) finn vi på same gravplass.

[Ragna Erikke](#) [A12](#) gifta seg i [Bakklandet krk.](#) i Trondheim [24/10-1905](#)[\[#236\]](#) med [Albert Nilsen](#) frå [Hokland](#) i Hadsel. Han var son til inderstparet [Nils Andreas Mortensen](#) og [Ingeborg Jonsdtr](#), fødd Hokland 8/5-, dpt Hadsel [2/8-1874](#)[\[#86\]](#). [Albert](#) var busett på Hokland både ved [FT1875](#) og [FT1900](#). [FT1910](#) plasserer familien på [Elsheim\(gaard\)](#) gnr 52/38 i Hadsel.

Sonen [Arne Ragnar](#) [A121](#) vart f på Ongstad 3/8-1906, dpt [26/4-1907](#)[\[#6\]](#), konf [17/7-1921](#)[\[#61\]](#). Han vart skriven [typograf](#) då han gifta seg i [Beiarn krk.](#) [24/5-1931](#)[\[#4\]](#) med [Gerda Karoline Solø](#), f 8/3-, dpt Beiarn [2/7/1905](#)[\[#9\]](#), dotter til gbr. [Hans Kristian Larsen](#) og [Margrete Kristine Rask](#). DISgravminner fortel at [Arne Ragnar](#) døydde [28/3-1991](#) medan [Gerda Karoline](#) døydde [27/9-1991](#). Dei kviler baa på Haug kyrkje-gard på Melbu. - [Ragna Erikke](#) [A12](#) og [Albert](#) var også foreldre til [Hildur Eline](#) [A122](#) f Melbu 30/6-1910, dpt [20/8-1911](#)[\[#46\]](#), konf [21/7-1925](#)[\[#49\]](#) og [Ingeborg Nanna](#) [A123](#) f 22/4-, dpt [20/10-1912](#)[\[#66\]](#).

[Håkon Meyer](#) [A13](#) var nok på fring i grannelaget. Han gifta seg [25/11-1922](#)[\[#30\]](#) med [Hansine Johanne Olsen](#) f [Grytting](#) 27/2-, dpt [12/7-1891](#)[\[#45\]](#), konf [18/6-1905](#)[\[#16\]](#). Foreldra hennar var [Ole Kristian Korneliussen](#) og [Berntine Malene Kaspersen](#). Familien budde på Grytting både ved [FT1891](#)(Ino 205b), [FT1900](#)(Onarheim) og ved [FT1910](#). Om nokon undrast på dei motstridande opplysningane i teljingane fortel innførsla ved giftarmål [18/1-1881](#)[\[#4\]](#) at [Ole](#) er frå Hadsel og [Berntine](#) frå [Trondenes](#)(dpt [3/8-1856](#)[\[#57\]](#)).

Kyrkjeboka syner at [Hansine](#) og [Håkon](#) hadde sønene [Hans Andreas](#) [A131](#) f 16/5-, dpt [1/7-1923](#)[\[#12\]](#) og [Olaf Sigurd](#) [A132](#). [Håkon Meyer](#) [A13](#) finn vi hjå DISgravminner død [1/8-1969](#), gravl. Haug kyrkjegard 8/8 s.å. [Hansine Johanne](#) kviler under same stein,. Ho døydde [22/11-1977](#), gravl. 28/11 s.å.

[Hans Andreas](#) [A131](#) finn ein og i databasen til DISgravminner på Haug kyrkjegard, Melbu– med dødsdato [14/1-2003](#), gravl. 22/1 s.å. og under same gravminne [Karen Marie](#) f 5/3-1942, død [2/3-2007](#), gravl 9/3 s.å. [Hans Andreas](#) [A131](#) er også nemnt på [ein profil](#) hjå MyHeritage. Sonen [Roger Hermann Gundersen](#) ([30/4-1945 – 16/12-1993](#)) finn vi og gravlagd på Haug kyrkjegard.. - Det finn vi og [Elfride Borghilde](#) [A14](#) død [18/1-1930](#), gravl 28/1 s.å .



Professorsitat: «Finnes det noe som går hurtigere enn våre hurtigruter» - Foto OHF 1. juni 2010

[Kristian Bertinus](#) [A3](#) gifta seg [27/7-1888](#)[\[#15\]](#) med [Eline Debora Pedersen](#), dotter til [skipper Andreas Pedersen](#) og [Hanna Bergitte Monsdtr](#), fødd på [Holmsnes](#) 21/12-1866, dpt Hadsel [21/4-1867](#)[\[#3\]](#), konf [4/6-1882](#)[\[#27\]](#). Vi Finn [Eline](#) og [Kristian](#) busette på Gulstad i [FT1891](#)(Personskjema [f.o.m – t.o.m](#)) og [FT1900](#). [FT1910](#) kallar bustaden Stranden, [gardsnr. 53/10](#) i Hadsel.

Barneflokket var: [Hanna Kristine](#) [A31](#) f 20/9-, dpt [10/11-1889](#)[\[#100\]](#), konf [12/6-1904](#)[\[#59\]](#). [Hansine Martine](#)[A32](#) f 29/9-, dpt [1/11-1891](#)[\[#103\]](#), konf 10/6-1906[\[#69\]](#), [Andreas](#) [A33](#) f 25/10-, dpt [26/11-1893](#)[\[#107\]](#). konf [27/9-1908](#)[\[#47\]](#), død [8/7-1975](#), gravl Haug kyrkjegard, Melbu 15/7 s.å. [Eivind Kristian](#) [A34](#) f 15/2-, dpt [19/7-1896](#)[\[#41\]](#), konf [24/6-1910](#)[\[#75\]](#). [Olga Helene](#) [A35](#) f 10/5-, dpt [11/9-1898](#)[\[#69\]](#), konf [15/6-1913](#)[\[#76\]](#). [Anton Edvard](#) [A36](#) f 25/9-, dpt [11/11-1900](#)[\[#86\]](#), konf [16/7-1916](#)[\[#63\]](#). [Ragna](#) [A37](#) f 24/6-, dpt [11/10-1903](#)[\[#83\]](#), konf [21/7-1918](#)[\[#8\]](#), død [17/12-1928](#), gravl 29/12 s.å. [Hans Elius](#) [A38](#) f 4/9-1905, dpt [13/5-1906](#)[\[#12\]](#), konf [17/6-1921](#)[\[#62\]](#).

[Hansine Martine](#)[A32](#) død [8/9-1894](#), gravlagd på Haug kyrkjeg., Melbu 15/9 s.å. Gravsteinen syner òg at [Peder Sørvåg](#) ([GENIprofil](#)) død [2/12-1967](#) kviler her. Han var f på [Tind i Moskenes](#) 6/10-1888, dpt [12/5-1889](#)[\[#5\]](#), konf [24/7-1904](#)[\[#16\]](#). Han var sin tol [Julius Bukkardus Pedersen](#) og [Laura Larsine Larsdtr](#). Ved [FT1910](#) var han busett på Flathaug gnr 11/2 i Sørvågen, Flakstad herad. - [Hansine](#)[A32](#) gifta seg i Vågan prgj. [1/11-1915](#)[\[#63\]](#),([Hadsel KB#0](#)) med [Martin Eliot Lund](#) f [Våge i Øksnes](#) 22/6-, dpt Øksnes [28/8-1892](#)[\[#25\]](#), konfirmert i Øksnes [26/5-1907](#)[\[#4\]](#). Dottera [Randi Elina](#) [A321](#) vart fi i Våge 15/3-, dpt Øksnes krk. [1/7-1917](#)[\[#1\]](#). Sonen [Reidar](#) [A322](#) var f i Svolvær 18/2-, dpt Vågan prgj. [25/6-1919](#)[\[#16\]](#).

DISgravminner syner at han døydde [12/5-2004](#) og vart gravlagd på Haug kyrkjegard i Hadsel. Ein [GENIprofil](#) nemner også ei dotter, **Kirsten Helene**.

Eivind Kristian Strand ^{A34} døydde [8/2-1964](#) og vart gravl på [Narvik nye kyrkjegard](#), [Rombaksv. 44](#). Her finn vi og **Gudrun J Strand** død [23/7-1979](#). Eg går ut frå at dette er **Gudrun Jensine Johansdtr**, dotter til fabr.arb. [Johan Jonassen Lynum](#) og [Laura Margrete Pedersdtr](#), f Helgeshagen 17/8-, dpt [Egge krk. 16/9-1898](#)^[#12], konf [15/6-1913](#)^[#21]. Familien var busette i Egge ved [FT1900](#) og [FT1910](#).

Olga Helene ^{A35} finn vi som brur i [Nykirken, Bergen 18/11-1921](#)^[#65]. Brudgom var tolloverkontrollør **Kristian Severin Adolph Larsen Dybfest**, son til *huseier* [Lars Andersen](#) og [Henriette Kristine Dybfest](#). f 25/12-1882 i Kabelvåg - dpt i [Vågan krk. 1/6-1883](#)^[#61], konf [Vågan 7/8-1898](#)^[#34]. Ein [GENIprofil](#) fortel at dei i alle fall hadde 3 born. «[Hvem er Hvem](#)» [1973](#) fortel på side 355 at **Gunhild Helene Dybfest** ^{A351} f 7/10-1924 var gift med direktør **John Karl Lybak** i Bergen f 7/10-1924. Hjø DISgravminner finn ein at **Gunhild** døydde [14/2-2000](#) medan **John Lybak** døydde i [2004](#). Dei kviler på [Solheim kirkegård](#) i Årstad, Bergen. Frå nettsida til «[Gravferdsetaten i Oslo kommune](#)» ser ein at **Kristian Dybfest** vart gravl. 22/5-1968, **Olga Helene** ^{A35} døydde 17/10-1981, gravl 3/5-1982. På same gravnr. finn ein **Finn Dybfest** 20/8-1929 – 13/7-1995, gravl. 7/12-1995. Dei kviler på Vår Frelser's gravlund, Oslo.

Edvard ^{A4} **Hans. Melbo** gjekk inn i ektestand [30/5-1904](#)^[#20]. Han gifta seg i Vågan krk. med **Mathilde Amanda Ringkjøb**, dotter til gardbr. [Peter Ringkjøb Johannesen](#) og [Ingeborg Ottesdtr](#). Ho var f på [Saupstad i Gimsey](#) 29/4-, dpt i Gimsey krk. [15/8-1881](#)^[#26] og konf [Gimsey 30/8-1896](#)^[#36]. Vi finn dei nygifte utreist frå Trondheim [15/6-1904](#) med Allan Line. Dei hadde [Benson, \(Swift Co.\)](#) Minnesota som reismål. Det er truleg **Edvard** vi finn i [U.S.Census1900](#), busett i Six Mile & Swenoda Twp. i [Swift County](#), Minnesota. Då budde han hjå veslebroren **Anton** ^{A7} og familien hans.

Ved [FT1910](#) var **Mathilde** og **Edvard** attende i gamlelandet. Dei var då busette i «[Ensomheten](#)», [gnr 52/26](#) i Hadsel. Dottera **Edna Mabel** ^{A41} var fødd i Benson, Minnesota 4/3-1905, konf Hadsel [13/6-1920](#)^[#49]. Ho døydde iflg. DISgravminner [31/3-1994](#) og vart gravl 12/4 s.å. på [Grefsen kyrkjegard](#). Oslo. Her kviler også ektermaken, **Jon Olsen**. Han var f i Salmakarstugu i [Kvam](#) 16/12-1908, dpt i [Kvam krk.](#), Nord-Fron [21/2-1909](#)^[#6], konf [14/10-1923](#)^[#14], død [14/3-1973](#), gravl [Grefsen 20/3-1973](#). **Harry Martin Strand** ^{A42} var f på Melbu 2/1-, dpt Hadsel [7/7-1907](#)^[#26], konf [17/7-1921](#)^[#24]. Han var bankrevisor og musikklojtnant i Harstad. Han vart arrestert 7/10-1941 og sat fengsla på Grini og sidan i Sachsenhausen fram til freden ([Lokalhistoriewiki](#)). Han var gift med **Rachel Augusta Johanne Koch** f [Nanset](#) 17/5-, dpt [Hedrum krk. 28/6-1908](#)^[#14], dotter til gullsmid [Albert Melchior Koch](#) og [Tilla Svendsen](#). DISgravminner syner at ho døydde [18/9-1977](#) medan **Harry Martin** døydde [7/11-1999](#). Dei kviler på [Harstad gravlund, Sama](#). «[boslekt.com](#)» fortel at paret hadde to born. Tredje barnet til **Mathilde** og **Edvard**, **Ingeborg Pauline** ^{A43} var f 13/5-, dpt Hadsel [17/7-1910](#)^[#45], konfirmert Hadsel [22/7-1924](#)^[#7], død [14/3-1999](#), gravl Haug kirkeg. 23/3 s.å.



Brua over Børøysundet - foto OHF 1/6-2010

Johanna ^{A5} **Hansdtr** fann seg ektemake i nærområdet. [26/7-1888](#)^[#14] gifta ho seg med **Hans Ludvig Næss** f 24/2-, dpt Hadsel [16/5-1864](#)^[#17], konf [3/10/1881](#)^[#20]. Han var son til husmannsfolka [Hans Andreas Hansen](#) og [Lovise Eilertsdtr](#). Dei budde ved [FT1865](#) på [Litlboro under Stokmarknes](#). I [FT1875](#) kan det vera **Hans** som er *Pleiesøn* på [Hov](#) lno. 188 i Hadsel

Ludvig Hansen og **Johanna** ^{A5} budde ved [FT1891](#) på Hanøya lno 35a ved Raftsundet ([Husliste](#), Personskjema [1,2](#)). **Johanna** var «[Statsjordemoder](#)» ([Jordmorstatistikk](#)). Dei hadde «*fosterpige*», **Hansine Andersdtr**, f 1880 i Tanen Finmark. **Ludvig** var *Inderst, omreisende handelskarl*. [Gunnarsjaaen](#) (Storaa) gnr 10/3 i Hadsel var bustad ved [FT1900](#) og [FT1910](#). Frå DISgravminner finn ein at **Ludvig** var gravl. på Ulvøy [1/6-1943](#), jordfesta 5/9 s.å. Bustad var notert som [Lauksund](#). Dottera **Helene** ^{A51} var f på Hanø 14/2, dpt Hadsel [18/-1890](#)^[#50], konf Hadsel [12/6-1904](#)^[#17]. Sonen **Ludvig Johan** ^{A52} f Hanø 24/5-, dpt [11/10-1891](#)^[#81], død Storaa [13/6-1893](#)^[#19], gravl 25/6 s.å. **Hans** ^{A53} var f på Gunnarsjaaen 30/1-, dpt [3/9-1893](#)^[#83], konf [9/6-1907](#)^[#60]. Ved [FT1910](#) var han handelsbetjent og budde på [Elsheim gnr 52/38](#) i Hadsel. Nok ein **Ludvig Johan** ^{A54} f Gunnarsjaaen 13/1-, dpt [21/7-1895](#)^[#56], konf [24/7-1910](#)^[#11]. [FT1910](#) syner at han var *Gymnaselev* og budde i [Storgate 3 i Ålesund](#). **Trygve** ^{A55} f Gunnar-sjåen 29/1, dpt [4/7-1897](#), konf [21/7-1912](#)^[#15]. **Erling** ^{A56} f Gunnarsjaaen 15/6-, dpt [24/9-1899](#)^[#92], konf [2/8-](#)

1914[#3]. **Eilif** ^{A57} f Gunnarsjaaen 20/5-, dpt [1/9-1901\[#79\]](#), konf [12/6-1916\[#76\]](#) - han budde då på [Lauksund](#). Yngste barnet vart **Marit Lovise** ^{A28} f Gunnarsjåen 24/5-, dpt [2/10-1904\[#99\]](#), ikkje konfirmert.

Så renn eit lite eventyr meg ihug. [Tre brør gifta seg med tre systre](#), Slik vart det også her. *Kjøbmand Trygve* ^{A55} **Hansen** gifta seg [12/4-1929\[#5\]](#) i Hadsel med **Else Oline Yttreli** f Kjerringnes, Sortland f 26/9-1909, dpt [Sortland krk. 7/8-1910\[#46\]](#), konf Sortland [14/9-1924\[#23\]](#). *Kjøbmand Trygve Hansen* ^{A55} døydde av [nyrebetændelse](#) på [Stokmarknes sjukehus 29/11-1930\[#43\]](#), gravl [29/11 s.å.](#) på [Ulvøy i Hadsel](#). - *Styrmand Erling* ^{A56} **Gunnarschjaa** gifta seg i Vågan [19/12-1929\[#49\]](#) ([innf.Hadsel\[#0\]](#)) med *butikdame Gudrun Yttreli*, f på Leknes 16/12-1907, dpt i [Buksnes krk., 8/6-1908\[#20\]](#), konf Sortland [9/9-1923\[#28\]](#). Frå DISgravminner finn vi at **Erling Gunnarschjå** døydde [22/3-1976](#) medan **Gudrun** døydde [11/8-1979](#). Dei er gravlagde på [Solheim kirkeg.](#), Årstad i Bergen. - **Eilif** ^{A57} **Gunnarsjaa** døydde [12/4-1988](#) og vart gravlagd ved Hadsel krk. Under same gravstein kviler **Johanna**, død [13/1-1987](#). Ho var f på Leknes 4/4- og dpr i Sortland krk. [21/4-1904\[#27\]](#), konf Sortland [18/7-1920\[#7\]](#). Ho var den eldste systera i barneflokket til [handelsreisende Ole Elisæus Ytterli](#) og [Elise Karoline Vollan](#). Dei budde ved FT1910 på Nygaard, gnr 3/7 i Sortland herAD. Ein [GENIprofil](#) har familien med. - Lat meg no spandere nokre liner på saga om to syskenflokkar og tre ekteskap:



Det var ein gong ein konge som hadde tre døtre.
Den eldste heitte Sipp, den mellomste heitte Sippippenipp
og den yngste heitte Sipp Sippippenipp Sippippenipp.
I grannelandet bodde en konge som hadde tre søner.
Den eldste heitte Skratt, den mellomste heitte Skrattskratteratt,
og den yngste heitte Skratt Skratteratt Skrattskruinskatt.
Så vart det brudlaup
. Sipp fekk Skratt,
Sippippenipp fekk Skrattskratteratt
og Sippippenipp Sippippenipp Sippippenipp fekk Skrattskratterattskrattskruinskatt.



Marit Lovise ^{A58} gifta seg i Hadsel [12/4-1929\[#4\]](#) med *chauffeur Bjarne Benjamin Sjaafjell* f Evenes 25/7-, dpt Evenes [4/6-1906\[#6\]](#), konf [13/6-1920\[#27\]](#), son til gardbr. [Bertheus Johan Pettersen](#) og [Bergitte Olsdtr](#). Han budde ved [FT1910](#) på Skjaafjeld søndre, gnr 49/1 i Evenes herad. Han døydde iflg DIS-gravminner [11/2-1964](#) og vart gravl på [Bodin kyrkjegard 29/9 s.å.](#)

Karen som fekk ja-ord frå **Hilda Marie** ^{A6} heitte **Otto Ingvald Eliassen**. **Hilda** og **Otto** gifta seg i Hadsel [20/9-1890\[#20\]](#). Han var halvbror til **Mathilde Amanda**, kona til **Edvard** ^{A4} **Hanss Melbo**. **Otto** var uekte son til [Elias Mathias Jensen](#) og [Ingebjørg Ottosdtr](#) frå nørdest i Gudbrandsdalen.

Opphavet sitt løyner ho så godt ho kan, ved [FT1865](#) har ho fortalt at ho var fødd i Lesja i 1839, ved [FT1875](#) er no notert fødd 1836 i Vågå. Nord i Gudbrandsdalen er namneformene Embjør, Imbjør og Ingebjørg brukt om einannan – [sjå tabell](#). **Otto** var fødd på [Vinje i Gimøy 22/8-](#), dpt i Gimøy krk. [15/10-1865\[#35\]](#) og konfirmert [10/9-1882\[#12\]](#). Han var å finne på Saupstad lno. 107a ved [FT1875](#). **Otto** og **Hilda Marie** ^{A6} hadde ved [FT1891](#) bustad på [Hanøy](#), løpenr 35a, [husliste72](#), personsedlar: [1,2](#), og [3](#) ([Helga Elise](#) ^{A11}, veslesyster til **Hilda Marie** ^{A6}).

Dottera **Marit Ingvarda** ^{A61} vart f på Hanøy 14/5-, heimedpt av morsyster/statsjordmor **Johanna** ^{A5}. [25/4-1894\[#4\]](#), døydde [12/5-1894\[#25\]](#), gravl 20/5 s.å. **Edel Asora** ^{A62} f Hanøy 14/3-1896, dpt Hadsel [4/7-1897\[#25\]](#), konfirmert Hadsel [11/6-1911\[#64\]](#). Tredje jente ut vart **Olga Gurine** ^{A63} f Hanøy 30/12-1897, dpt Hadsel [3/7-1898\[#20\]](#), konf Hadsel [9/6-1912\[#59\]](#).

Inderst og handelsbetjent Otto Eliassen døydde på Stokmarknes sjukehus [6/9-1898\[#27\]](#). Han vart gravl./jordfesta 11/9 s.å. - **Hilda Marie** ^{A6} og døtrene var ved [FT1900](#) busette i Bakken(Gulstad) under gnr 53/1 i Hadsel. I [FT1910\[#016-018\]](#) var bustadadressa Gammelgaarden Melbo gnr. 52/1 i Hadsel.

Enkja Hilda Marie ^{A6} gav ja-ord for andre gong [12/8-1912\[#14\]](#) i Hadsel krk. Brudgom denne gongen var enkjemannen **John Jørgen Martiniussen**, son til [Martinius Olai Jakobson](#) og [Maren Margarethe Jensdtr](#), f på [Nakling i Bø 20/2-](#), dpt Bø prgj. [28/5-1849\[#15\]](#), konf [2/7-1865\[#19\]](#). Han budde på [Utskor](#) ved [FT1865](#) og [1875](#). Ved teljingane [1900](#) og [1910](#) er bustaden [Brænna gnr. 17/23 i Bø](#). - **Hilda Marie** ^{A6} døydde på Melbu [17/11-1950](#) og vart gravl 22/11 s.å. DISgravminner syner òg at **Olga Gurine** ^{A63} døydde [2/9-1920](#) og vart gravl 10/9 s.å. på [Tajord gravplass](#) i Hadsel.

Edel Asora ^{A62} sto brur i Hadsel krk. [18/10-1919\[#19\]](#). Brudgommen heitte **Harald Heggelund Ribe** og var fødd på Vattendal 21/2-, dpt Hadsel [25/7-1886\[#61\]](#), skriven Harald Heggelund Hansen. Han var konfirmert [6/10-1901\[#69\]](#), då budde han på [Fleines](#). Foreldra hans var *gaardbruger Hans Martin Hansen Vattendal* og *Regine Marie Andersdtr*. I 1891 fann ein dei i [husliste 61](#), teljekrins [10 i Hadsel](#), Stranden (ytre Breivik) er bustad ved [FT1900](#) og ved [FT1910](#).

Edel Asora ^{A62} og **Harald Ribe** vart foreldre til guten **Halvor Erik** ^{A621} f Melbu 28/5-, dpt Hadsel [26/9-1920\[#62\]](#). Hå DISgravminner finn ein at **Edel Asora** ^{A62} døydde [15/3-1943](#), gravl Melbu 18/3 s.å.

Harald Ribe døydde [13/11-1981](#), gravl Melbu 20/11 s.å., sjå [GENIprofil](#). **Halvor Erik** [A621](#) døydde [28/7-1995](#), gravl Melbu 11/8 s.å (sjå også [#283477](#) i databasen «*Dødsfall i Norge 1995 – april 2001*»)



Lund Lutheran Cemetery (foto frå «[Findagrave](#)»)

Tidlegare i denne stubben er nemnt at **Anton** [A7](#) emigrerte til USA. Han fekk utflyttingsattest med reisemål Amerika i [mai 1888](#)[\[#6\]](#). Frå [US Census 1910](#) ser vi at han vart gift ikr 1890 med **Julia** (Brekke) f ikr. 1871 i Minnesota. Borna var **Alfred** [A71](#), 10 år, (død 1970), **Nellie** [A72](#), 7 år, **Harry** [A73](#) 4 år, og **Hilda** [A74](#). 2år. Familien budde då i Six Mile & [Swenoda Townships](#), Swifh Co, MN. Ved [Census 1940](#) finn vi familien busette i [Brandsvold Township](#) i Polk County i Minnesota. Sonen **Sidney**(28 år) og *Niece* **Stella** (14 år) bur hjå foreldra. [Ei anna oppføring hjå Ancestry](#) seier at **Stella** er dotter til **Anton** og Julia – og at ho døydde i 1948. **Anton** [A7](#) døydde 29/3-1948 og vart gravlagd på [Lund Lutheran](#) Cemetery, Gully, Polk Co., MN

Lovise Pauline [A9](#) fekk fatt på ein kar frå Langøysida av prestegjeldet. Bryllaup vart halde i Hadsel krk. [9/7-1895](#)[\[#10\]](#). Brudgommen, **Jens Leonard Jensen**, son til **Jens Iverson** og **Laura Eline Bertinusdtr**, var f på [Haukenes](#) 30/3-, dpt Hadsel [7/7-1872](#)[\[#63\]](#) og konfirmert [11/9-1888](#)[\[#38\]](#). [FT1875](#) fortel at familien budde på Haukenæs, løpenr 202&203aa1, [FT1891](#) syner «[Nordgaarden Haukenæs](#)»-[Husliste](#). Ved [FT1900](#) og [FT1910](#) var bustaden for familien *nordgården* [Haukenes](#) gnr. 82/2 i Hadsel. De kan lesa grunnboksbladet for gardsbruket [her](#),

Jens og **Lovise Pauline** [A9](#) var foreldre til: **Otto Meier** [A91](#) f 10/3-, dpt [13/10-1895](#)[\[#96\]](#), konf [19/9-1909](#)[\[#22\]](#). **Helene Jensine** [A92](#) f 26/4-, dpt [19/7-1896](#)[\[#50\]](#), konf [15/6-1910](#)[\[#23\]](#). **Ragnhild Auguste** [A93](#) f 15/6-, dpt [23/7-1899](#)[\[#48\]](#), konf [25/6-1914](#)[\[#27\]](#). **Johan Ludvig** [A94](#) f 28/6-, dpt [20/8-1905](#)[\[#78\]](#), konf [11/6-1920](#)[\[#16\]](#).

Otto Meier [A91](#) døydde [18/10-1918](#)[\[#58\]](#), gravl. [Skagen gamle kirkegård](#) 26/10 s.å. DISgravminner fortel at **Jens Leonard** døydde [5/12-1957](#), gravl. 11/12 s.å. medan **Lovise Pauline** [A9](#) døydde [20/1-1959](#), gravl 27/1 s.å. Dei kviler på [Skagen nye kyrkjegard](#).

Pdf-fil frå «[Slekt i Hadsel](#)» (Hadsel bygdeboknemnd 2016) syner at **Helene Jensine** [A92](#) hadde gifta seg med William M Mørch. Eg har ikkje greidd å finne innførsle frå kyrkjeboka, men eg går ut frå at der her er tale om **William Myhre**, f på [Trælnes i Brønnøy](#) 5/9-, dpt [30/11-1884](#)[\[#52\]](#) og konfirmert [1/6-1899](#)[\[#5\]](#). Vi finn karen ved [FT1910](#) som kontorbetjent i Trondheim – med adresse Nygate 4 på [Bakklandet](#). Han var nok vèl tidleg ute for å vera med i [Bakklandets Bassangforening](#).

Det er notert at **Helga Elise** [A11](#) fekk utflyttingsattest med reisemål Amerika [vaaren 1900](#)[\[#14\]](#).



Å ha det som *hesten i den gule eng* - frå Langøya - juni 1973; foto OHF

Karen Karine B Eriksdtr var 26/12-1857[#114] fadder då syskenbarnet **Ida Helmine Jokumsdtr.** vart døypt. Vi kan vera trygge på at ho atter var i Hadsel krk 18/10-1859[#15], då vart ho gift med **Nikolai Grønbeck Rasmussen**. Han var son til *gaardmand* **Rasmus Jensen** og **Gjertrud Hermansdtr.** f på *Hauve* (Haug) i Hadsel 2/6-, dpt 4/7-1830[#22], konf 22/6-1845[#7].

Eldste barnet var kome til verda innan foreldra gifta seg. **Rikard Edvard B1** var f 4/7/-, dpt i Hadsel krk. 3/10-1858[#91] og konfirmert 20/9-1874[#19]. **Ida Birgitte B2** f 12/6, dpt 20/10-1861[#114], konf 10/6-1878[#36]. **Anna Helene B3** f 20/8-, dpt 23/10-1864[#141], konf 13/6-1880[#41]. **Kristine Sofie B4** f 4/4-, dpt 9/8/1868[#66], konf 10/6-1883[#48]. **Nikolai Karolus B5** f 17/5-, dpt 4/9-1870[#119], konf 13/9-1885[#12]. **Harald B6** f 18/7-, dpt 18/8-1872[#125], død 19/4-1886[#17], gravl. 9/5 s.å. **David Ludvig B7** f 3/2-, dpt 11/7-1875[#77], død 20/10-1889[#21], gravl 3/11 s.å. **Hilda Nikoline B8** f 18/3-, dpt 17/6-1877[#44], konfirmert 12/6-1892[#16]. **Hans Elius B9** f 9/3-, dpt 9/7-1882[#35], konf 12/9/1897[#34]. Alle borna var fødde på Haug.

Familien budde ved FT1865 og FT1875 på *Hauve*(Hauge), løpenr 102 i Hadsel. *Haug* løpenr 102b er bustad ved FT1891[#14], Husliste, Personskjema f.o.m – t.o.m. - FT1900 har Haug gnr 51/11 som adresse, det same har FT1910.

Gbr.hustru **Karen Karine B Eriksdtr** døydde på Haug 27/9-1904[#25], gravlagd 6/10 s.å.

Rikard Edvard B1 Nikolaisen henta ektefelle frå Øksnes. **Josefine Bergitte Petersen** var f på *Tilset* 9/1-, dpt 12/4-1868[#7] og konf i *Øksnes hovedsogn* 11/6-1882[#16]. Bryllaup var i Hadsel krk. 21/10-1890[#29]. Brura var dotter til husmann **Peter Andreas Jakobsen** og **Øllegaard Kirstine Nilsdtr.** Dei budde ved FT1875 på plassen *Jurnæset*, lno 84a i Øksnes.

Innan **Rikard Edvard B1** gifta seg lyt han ha hatt eit eventyr med **Johanna Bertina Johansen** frå *Berg* prgj. på *Senja*. Sonen **Johan Peder B1Z** var fødd på *Finsæter i Berg* 18/6/1880, dpt i Hadsel krk 15/5-1881[#8] og konfirmert i Hadsel 29/9-1895[#11]. Han budde på Haug i Hadsel både i 1891 og ved FT1900 saman med besteforeldra. Fødsel var «Anmeldt af barnefaderen. Hans Iste hendes 3die Leiermaal.»

Josefine Bergitte og **Rikard Edvard B1** vart opphav til desse borna: **Kristine Pauline B11** f Haug 14/3-, dpt 28/6-1891[#19], konf 10/6-1906[#68]. **Harald Dahl B12** f Haug 26/2-, dpt 18/9-1892[#96]. **Karen Nikoline B13** f *Lekang* 28/4-, dpt 8/7-1894[#22], konf 13/6-1909[#73]. **Ragna Jensine B14** f *Husby* 7/8-, dpt 10/11-1896[#105], konf 11/6-1911[#66]. Ein ny **Harald Dahl B15** f *Husby* 9/3-, dpt 7/5-1899[#9], konf 2/8-1914[#25]. **Karl Halfdan B16** f *Husby* 30/5-, dpt 14/7-1901[#37], konf 16/7-1916[#49]. **Signora Konstance Barlotte B17** f *Husby* 6/7-, dpt 4/10-1903[#81], konf 9/6-1918[#44]. **Julie Petrine B18** f *Husby* 30/6-, dpt 7/10-1906[#97], konf 19/6-1921[#15], død 14/3-1934, gravl. 22/3 s.å.(GENI) - **Nelly Sofie B19** f *Husby* 21/4-, dpt 5/6-1910[#16], konf 21/6-1925[#42]. **Eivinn Sigurd Karsten B1A** f *Husby* 6/2-, dpt 18/4-1913[#1], død 3/7-1914[#20], gravl. 9/7 s.å.

Ved FT1891 budde familien på Haug, løpenr 102b; Husliste, Personskjema f.o.m – t.o.m., ved FT1900 på *Husby* er dei husmannsfolk under *Husby* gnr 54/1, det same er dei ved FT1910, no er plassen kalla *Gammelgaarden*(*Roligheten*)(*plads*). - DISgravminner syner at **Rikard Edvard B1** døydde 18/4-1943 medan **Josefine Bergitte** døydde 24/4-1947. Dei er gravlagde på Haug kyrkjegard på Melbu.

Karen Nikoline B13 figurerer i FT1910, teljedato var 1. desember. Ho er også innført som emigrant over Trondheim, med *utreisedato* 7/9-1910 og med reisemål *Enderlin* i Nord Dakota. *Findagrave* fortel at ho døydde 3/7-1937 og er gravlagd i *Pinecrest Memorial Park*, Sandpoint, Bonner Co., Idaho. Ho var gift med **John Joseph Brodkord**. I USCensus 1930 vart ho skriven *Corinne Brodkord*. Eldste dottera, **Elanor B131** er nemnd hjå «Ancestry».

Peder Olsen var namnet på karen som gifta seg med **Ragna Jensine B14** 23/9-1916[#19]. **Peder** var son til **Hanna J Jakobsen** og gardbrukar **Anton Olsen** i *indre Breivik*. Han var f 11/2-, dpt 10/7-1892[#52], konf 23/9-1906[#14]. Bustad ved FT1900 og FT1910 var *Breivik indre* gnr 68/4 i Hadsel.

Ragna Jensine B14 og **Peder Olsen** vart foreldre til **Helene B141** f *Breivik* 10/10-1918, dpt 6/7-1919[#19]. død iflg DISgravminner 10/12-1969, gravl ved Hadsel krk. 17/12 s.å. **Ragna Josefine B142** f *Breivik* 1/11-1919, dpt Hadsel 4/7-1920[#17]. **Anton Herman B143** f *Breivik* 31/3-, dpt Hadsel 9/9-1923[#66], død 27/12-1998, gravl Hadsel 6/1-1999 (Geni-profil). **Åse Jørgine B144** f *Breivik* 12/1-, dpt Hadsel 3/11-1929[#41]. - Hjå DISgravminner finn vi at **Ragna Josefine B142** døydde i *Engavågen* 5/1-2000 og vart gravlagd på *Halsa nye kyrkjegard* i *Meløy* 11/1 s.å. Her kviler ho saman med **Torolf Walnum Grønås** f 28/4-, dpt *Meløy* 22/7-1917[#18], død 28/12-1999. - **Åse Jørgine B144** døydde 28/11-1998, gravl Hadsel kyrkjegard 4/12 s.å. Under same gravstein finn vi **Andreas Olsen** f 15/1-1929, død 20/5-2007, gravl 25/5 s.å. **Andreas** er òg nemnd i ein GENIprofil. Ei dotter, **Torill Anne** 23/2-1956 - 20/2-1996 har GENI òg registrert.

Harald Dahl [B15](#) døydde 19/8-1951, gravl Melbu 24/8 s.å. Under same gravstein finn vi òg **Oliva Kristofa (Aas)** f Melkersen f 25/12-1899 død 25/4-1977, gravl 2/5-s.å. – [FT1900](#) syner at ho var dotter til *fisker og gaardmand* Ove Melkersen og Nemine Nilsen og budde på Solstad([Helgenæs](#)) i Hadsel. **Oliva** og **Harald** er også å finne i databasen [boslekt.com](#).

DISgravminner fortel at **Signora Konstance Barlotte** [B17](#) døydde 18/9-1985. Ho var nok ektemake til **Martin Angel Dahle** f **Dale i Kvæfjord** 9/7-, dpt 26/12-1900[[#36](#)], konf **Kvæfjord** 11/7-1915[[#16](#)]. **Martin** var son til inderstfolka Markus Andreas Martinsen og Rakel Gerhardine Nikolaisdtr. **Martin** døydde 5/4-1955. Ekteparet er gravlagde på **Rå kyrkjegard**. [MyHeritage](#) har opplysning om at **Martin** og **Signora** hadde ei dotter, **Ruth Josefine** gift Geitanger (1931-2015).[Hugs at dette i beste fall er frå sekundærkjelde]

Nelly Sofie [B19](#) finn vi gravlagd på **Kjøpsvik** nye kyrkjegard. Ho døydde iflg. DISgravminner 19/1-1993. Ho kviler under same gravstein som **Jentoft Heggelund Mikalsen**. Han var son til *husmann/fiskar* Johan Martin Mikalsen og Helmine Pedersdtr. f på **Bjerknes i Tysfjord** 16/8-1907, dpt i Tysfjord 9/8-1908[[#25](#)], konfirmert 9/7-1922[[#35](#)], død 20/1-1991. I [FT1910](#) budde familien på ein plass under **Bjerknæs** gnr.34/1 i Tysfjord. Det er ein [GENIprofil](#) også for desse folka.



Utsyn mot Møysalen - foto: OHF 1/6--2010

Ida Birgitte [B2](#) fekk i **januar 1891** utflyttingsattest med reisemål Salten, kontrainnførsle finn vi som [#12](#) i Saltdal 1891. Ho var då busett på Lien. Det er notert «*Attest datert 23/7 91 fra Høyer om fødsel, daab, konfirmation, berettiget til nadverd og ledig til ægteskab.*» - No vart det , rett nok, ikkje så lenge ho var *ledig til ægteskab*. 29/12-1891[[#22](#)] vart ho gift, i Saltdal, med fiskar **Mikal Johan Karlsen**, son til husmannsfolka Karl Kristensen og Berit Elisabet Kristensdtr. f i Saltdal 27/3-, dpt 21/5-1865[[#23](#)], konf 4/7-1880[[#30](#)]. Han er å finne ved [FT1865](#) på Lien, ved [FT1875](#) på **Røkland** lno 380 i Saltdal.

Mikal og **Ida** fekk sonen **Norman Coldevin** [B21](#) f **Sundby** 7/3-, dpt Saltdal 10/5-1896[[#9](#)], konfirmert Saltdal 9/11-1911[[#18](#)] og dottera **Magny Ivara Ludvika** [B22](#) f **Sundby** 2/2-, dpt Saltdal 1/7-1903[[#14](#)], konf 15/7-1917[[#28](#)]. Familien vart registrert på Holmgaard under gnr. 12/8 i Saltdal ved [FT1900](#), **Holmgaard** gnr 12/19 i Saltdal ved [FT1910](#).

Magny [B22](#) **Ingebrigtsen** døydde 3/7-1964 og vart gravlagd i Bodø 8/7 s.å. På same gravminne finn vi namnet **Adalstein Ingebrigtsen**, død 16/8-1972, gravl. 22/8 s.å. Han var fødd på **Kløkstad i Bodin** prgj. 31/12-1900, dpt 8/9-1901[[#28](#)] og konfirmert 4/7-1915[[#1](#)]. Han var ved [FT1910](#) pleieson på Kløkstad. Foreldra hans var *ungk., Fabrikarb.* Ingebrigt Johannesen og pige Julianna Andrea Kasperdtr ([FT1910](#)). Eg går ut frå at **Roald** [B221](#) **Ingebrigtsen** (16/7-1929 – 12/9-1993) er son til **Magny** og **Adalstein**.

Anna Helene [B3](#) vart gift i Hadsel krk. 20/9-1888[[#22](#)] med **Anton Theodor Andersen**, fødd Ekern 19/11-1865, dpt Hadsel krk. 12/8-1866[[#69](#)] og konfirmert 2/10-1881[[#30](#)]. Han var son til *pladsbruger* Anders Olsen og Kristine Hansdtr.

Borna var: **Helmine Sofie** [B31](#) f **Haug** 2/8-, dpt 14/7-1889[[#33](#)], konf 7/6-1903[[#60](#)]. **Agnes Kristine** [B32](#) f Ekern 2/9-, dpt 22/11-1891[[#106](#)]. konf 10/6-1906[[#70](#)]. **David Lucie** [B33](#) f Ekern 16/1-, dpt 20/5-1894[[#7](#)], konf 31/5-1908[[#65](#)], død 31/8-1960, gravl Melbu 10/9 s.å. **Tora Helene** [B34](#) f 21/7-, dpt 6/12-1896[[#112](#)], konf 11/6-1911[[#70](#)]. **Gunnar** [B35](#) f Ekern 5/10-1898, dpt 28/5-1899[[#12](#)], konf 27/7-1913[[#55](#)]. **Harald** [B36](#) f Ekern 4/5-1901, dpt 1/6-1902[[#10](#)], konf 16/7-1916[[#50](#)], død 13/5-1953, gravl Melbu 21/5 s.å. **Nelly Karine** [B37](#) f Ekern 19/4-, dpt 23/10-1904[[#103](#)], konf 22/6-1919[[#41](#)], død 10/8-1957, gravl Hadsel kyrkjeg.17/8 s.å. **Petra Jørgine** [B38](#) f Ekern 19/4-, dpt 23/10-1904[[#103](#)], død 8/4-1905[[#15](#)], gravl/jordf. 20/4 s.å. **Haakon** [B39](#) f Ekern 16/8-1905, dpt 16/6-1907[[#14](#)], konf 11/6-1920[[#54](#)]. Yngste hane

i korga vart **Sigurd Magnus** ^{B3A} f Ekern 12/3-, dpt 10/10-1909[#69], konf 22/7-1923[#35]. - Familien budde ved FT1891 på Ekern, lno 106,107(Husliste#55, Personskjema f.o.m, – t.o.m.). Ekerenviken under gnr 55/1 var bustad FT1900, ved FT1910 var adresse notert; Ekren under gnr 55/1.

Hjå DISgravminner finn ein at **Helmine Sofie** ^{B31} døydde 5/6-1948 og vart gravlagd på **Rødskjær kyrkjegard** i Harstad kommune. I same grav finn vi òg **Andreas Smith-Bøe**, død 5/11-1962 truleg ekte-mannen til **Helmine**. Han var fødd 23/2-1891 i Sokedal, Rogaland og son til *spindemester* **Jakob Bø** og **Anne Kristine Johannesdtr.** (Sjå òg «Sogndalstrand-del2) **Andreas** vart registrert i FT1900 og FT1910.

Agnes Kristine ^{B32} døydde 13/12-1956 og vart gravl ved Hadsel krk. 20/12 s.å. Ho var truleg gift med **Anton Meyer Aas**, son til inderstparet **Theodor Hans Aas** og **Elisabeth Pedersen**, f **Klakk** 13/2-, dpt Hadsel 12/7-1891[#29], konf 22/10-1905[#37], død 16/1-1968, gravl 24/1 s.å.

Tora Helene ^{B34} finn vi som brur i **Vår Frue krk.** i Trondheim 17/11-1923[#63],(transkript). Brudgom var *Revisor, privatForretning* **Emil Eriksen Sesseng**. Han var **Selbygg**, f på Sesseng 4/7-, dpt i **Selbu** krk 11/9-1887[#47], konf i Nidarosdomen 13/4-1903[#11]. Han var son til gardbr. **Erik Johnsen Sesseng** og **Guri Eivindsdtr** f **Aune**. Det ser ut til at gardsnamnet **Sesseng** berre finst i Selbu, ut frå «*Norske Gaardenavne*».

Ved **kommunal folketeljing 1925** for Trondheim finn vi familien busett i **Holbergs gate 43** på Bakklandet. Dei hadde då, ut frå teljinga, sonen **Erling** ^{B341} fødd i Strinda 5/1-1920. Syster til Tora, **David** ^{B33} **Andersen** var *husholderske* for familien. DISgravminner syner at **Emil Sesseng** døydde 3/8-1981 medan **Tora Helene** ^{B34} døydde 10/7-1984. **Erling** ^{B341} døydde 15/2-1999, gravl 10/9 s.å. Dei kviler alle på **Tilfredshet kyrkjegard**.

I klokkearbok for Hadsel finn ein at **Gunnar** ^{B35} gifta seg i Hammerfest 15/5-1930[#0] med kokkepige **Dagmar Terese Pettersen** f 15/1-, dpt **Talvik krk.** 15/6-1904[#4]. konf 29/7-1919[#14]. Foreldra hennar var *fisker* **Edvard Martin Pedersen** og **Eleonore Louise Bernhardine**. Familien var ved FT1910 busett på Elve-sletten(gaard) gnr 2/10 i **Talvik herad**. **Dagmar** er med i ein **GENI-profil**.

Haakon Anderssen ^{B39} gifta seg i Hadsel krk. 23/1-1937[#4] med **Klara Jørgensen**. Ho var dotter til **Albert Edvin Jørgensen** og **Ingrid Kristine Juliusdtr.**, f 22/1-, dpt Hadsel 30/5-1909,[#9] og konfirmert 17/6-1923[#12]. Familien budde ved FT1910 på Haugen(gaard) gnr 53/11 i Hadsel. - **Haakon** døydde iflg. DISgravminner 12/2-1965 og vart gravl. 20/2 s.å. **Klara** døydde 13/10-1996, gravl. 21/10 s.å. Dei er gravl. på **Haug kirkegård**, Melbu.

- Her finn vi og gravene til **Sigurd Magnus** ^{B3A}, død 26/10-1984, gravl 1/11 s.å og kona hans, **Klara Judith** (Gulbrandsen) f 24/7-1915, død 30/4-1979. Ho er nemnd i ein **GENIprofil**.

Anton Edvard Olsen var namnet til karen **Kristine Sofie** ^{B4} gifta seg med. Dei feira bryllap i Hadsel krk. 9/10-1890[#27]. **Anton** var f i **Vasvik** 29/6-1865, dpt 7/1-1866[#1], konf 3/10-1880[#5]. Han var son til **Ole Johannesen** og **Elen Anna Aronsdtr.** Dei budde på Vatsvig lno 110b ved FT1865, ved FT1875 er det notert Vasvig, løpenr 110. Løpenr 110b er skrive ved FT1891 (Husliste, Personskjema 1,2). **Storhaugen gnr 56/5** er bustadadresse både i FT1900 og FT1910. **Anton Edvard** døydde 26/2-1940, gravl 6/3 s.å. **Kristine Sofie** ^{B4} døydde 8/12-1946, gravl 16/12 s.å.

Johannes Olai ^{B41} vart namnet til eldste barnet. Han var f Vasvik 27/1-, dpt 24/4-1892[#4], konf 23/9-1906[#10]. Så kom **Olaf Eker** ^{B42} f Vasvik 22/3-, dpt 8/7-1894[#28], konf 27/9-1908[#44]. **Nikolai Koldevin** ^{B43} f 14/6-, dpt 30/8-1896[#90], konf 23/11-1911[#69]. **David Heggelund** ^{B44} f 17/9-1898, dpt 23/3-1899[#13], konf 27/7-1913[#50]. **Dagmar Haldis** ^{B45} f 28/4-, dpt 15/9-1901[#98], konf 20/6-1915[#61]. **Anton Kristian** ^{B46} f 4/11-1905, dpt 21/4-1907[#5], konf 11/7-1920[#37]. **Fridtjof** ^{B47} var sistemann ut, f 9/6-, dpt 3/10-1909[#63], konf 27/6-1924[#6].

Eg vågar å tru det er **Johannes Olai** ^{B41} vi finn gravlagd ved **Øre krk.**, med dødsdato 9/7-1959. Han hadde då teke slektsnamn **Vassvik**. Gravsteinen tyder på at han var gift to gonger. Fyrst med **Anna Heggem** 2/5-1892 – 29/4-1939, sidan med **Anna Halset** 2/9-1898 – 22/2-1973. **Anna Heggem**, dotter til **Anders Erikson** og **Karen Johansdtr** finn vi i FT1910 busett på **Myklebostad** gnr 21/6 i Øre, konfirmert i Øre 29/9-1907[#34]. *Gards- og ættesoge for Gjemnes-2* nemner paret på **sidene 135-137**, **Anna Halset** er omtala i *band 1, side 535*, - **Edvard Anton** 24/2-1922 – 11/2-2008(*gravsteinen*) er son til **Johannes Olai** frå fyrste ekteskap.

David Heggelund ^{B44} finn ein hjå DISgravminner med dødsdato 23/10-1964, gravlagd på Haug kirkeg., Melbu 31/10 s.å. Under same gravstein finn vi **Ovaldine Jensine**, dotter til ungd **Markus Amundsen** og **Matilde Jensen**. **Ovaldine** var f **Holmsnes** 26/9-1897, dpt 26/6-1898[#14], konfirmert 9/6-1912[#32], død 21/9-1978, gravlagd 29/9 s.å.

Dagmar Haldis ^{B45} **Storetvedt** døydde 1/4-1977. Vi finn grava hennar på **Møllendal kirkegård**. I same grav kviler også **Paul Olai Storetvedt**, f 11/10-, dpt Birkeland krk. Fana 18/11-1894[#47], død 30/8-1976. Han var son til *Øludsalgsbetjent* **Søren Pedersen** og **Cecilia Pedersdtr**. Vi finn familien ved FT1900 busette på Solheim gnr 7/3 i **Årstad**. **Dagmar** og **Paul** finn vi òg i ein **GENprofil**.

Anton Kristian ^{B46} gifta seg i Hadsel 8/6-1929[#19] med **Gudrun Lovise Johnsen**. Ho var fødd i Nykvåg i Bø 5/4-, dpt i Malnes krk. 8/6-1908[#10] og konfirmert i Malnes 8/6-1923[#8]. Ho var dotter til fiskar **Hilmer Johnsen** og **Emma Hansen**. I klokkearboka er det òg notert at **Anton** arbeidde på *sildoljefabrikk* medan **Gudrun** var tenestejente på *Melbo*. DISgravminner syner at **Anton Kristian** døydde 8/5-1972, gravl. 15/5-s.å. **Gudrun Lovise** døydde 4/9-1981 og vart gravlagd 10/9 s.å. Ektefolka kviler på Haug kirkeg., Melbu. Dei er òg tekne med i databasen **boslekt.com**.

Fridtjof ^{B47} døydde 29/9-1990 og vart gravlagd på Haug kyrkjegard, Melbu 5/10 s.å. Gravsteinen syner òg **Ruth Margrete** Olsen, f 1/4-1913 – 20, død 20/3-1976, gravl 12/5 s.å. - Ruth Olsen er teke med i ein **GENprofil** med foreldre **Hans Martin-** og **Inga Amalie Hansen**.



Hadsel prestegard - foto OHF 1/6-2010

Nikolai Karolus ^{B5} vart gift med **Oline Marie Henriksen** f Haug 5/6-, dotter til **Henrik Hansen** og **Johanna Jakobsdtr**, dpt Hadsel 6/8-1871[#89], konfirmert 14/6-1886[#18]. Bryllaupsdato var 28/12-1894[#50] og fedrene til ektefolka var forlovarar. **Nikolai** budde ved FT1891 på Haug løpenr 102b saman med foreldra, sjå **personskjema**, i FT1900 er bustaden til familien Haug gnr 51/8. **Nikolai** er då skriven *Inderst, fisker og baadfører*. FT1910 plasserer familien på Haug gnr 51/11, no er **Nikolai** «*Gaardbruger, selveier og fisker*». **Oline Marie** døydde 11/9-1954, gravl. 18/9 s.å., **Nikolai Karolus** ^{B5} døydde 21/4-1959, gravl. 25/4 s.å. Ektefolka er gravlagde på Melbu.

Oline og **Nikolai** vart foreldre til **Harald** ^{B61} f Haug 22/4-, dpt 28/7-1895[#72], konf 24/7-1910[#65]. **Margit Camilla** ^{B62} f 13/10-1900, dpt 21/4-1901[#10], konf 20/6-1915[#52]. **Helena Johanna** ^{B63} f 2/11-1904, dpt 20/8-1905[#56], konf 22/6-1919[#40]. **Liv** ^{B64} f 31/3-, dpt 23/8-1908[#63], konf 17/6-1923[#13].

Hjå DISgravminner finn ein at **Margit Camilla** ^{B62} døydde 6/2-1981, gravl 30/6 s.å. Under same gravstein på Haug kirkeg.. Melbu finn vi òg **Olaus Fjellstad**. Han var fødd på Kjønnå i Trondenes 31/5-, dpt Trondenes krk 7/7-1895[#34]. død 19/4-1977, gravl 23/4 s.å. Foreldra er skrivne **Peder Andreas Johnsen** og **Karen ...**. Familien var busett på **Kjønnå** gnr 16/13 i Trondenes ved FT1900, (sjå og **gnr 16/27**). **Olaus** var tenar på **Evenskjær** gnr 13/7 i Trondenes ved FT1910.

Helena Johanna ^{B63} gifta seg i Hadsel krk. 3/6-1929[#17] med **bokbindar Olai Kristian Antoni Vaagsbø**, son til *fergemand* **Olai Kristian Olsen** og **Anna Olava**. Han var f i Kristiansund 18/11-1906, dpt i Kristiansund krk. 20/1-1907[#6]. **Olai** og **Helena Johanna** ^{B63} fekk sonen **Hans Andreas** ^{B631} f 28/7-1929, død av lungebetennelse 15/3-1930[#9], gravl Haug kyrkjegard, Melbu 21/3 s.å.

Liv ^{B64} gifta seg i Hadsel krk. 17/4-1935[#8] med **bankbokholder Laurits Martin Johansen**. DISgravminner fortel at han døydde 24/6-1960, gravl Haug 2/7 s.å medan **Liv** ^{B64} døydde 22/7-2002, gravl Haug 26/7 same år.

Hilda Nikoline ^{B8} fann ein Snertingdøl, **blikkenslager Peter Kristiansen**. Dei gifta seg i Vågan krk. 4/7-1901[#27]. Peter var fødd på **Etnestadeige** 14/2-, dpt Biri prgj. 16/3-1873 og konfirmert i Snertingdal 9/10-1887[#20]. Foreldra hans var husmann **Kristian Olsen Dullerudeige** og **Beate Hansdtr**. Ved FT1900 var han *blikkenslagersvend* og budde på Melbu. Dei har flytta til Trondheim kring 1903, var Sunnmøringar i 1905, men var attende i Trondheim i 1909. FT1910 plasserer familien i **Korsgate** 39,

Trondheim kjøpstad. Ei kommunal teljing for Strinda 1934 syner at familien bur i Villa Bjørklund, Tyholt, Strinda herad.

Dottera **Aasta** ^{B81} vart fødd på Melbu 26/9-1901, dpt i Hadsel 13/4-1902[#4] og konfirmert i Bakke krk. 14/5-1916[#20]. **Kåre** ^{B82} f *øvre Møllenbergt.5* 22/5-, dpt Bakke krk. 2/8-1903[#265], konf 30/9-1917[#3] i Lade krk. **Hildur** ^{B83} f Ålesund 4/6-1905 **Bjarne** ^{B84} f Korsgate38 22/11-1909, dpt Bakke krk 27/2-1910[#29], konf Lade krk. 11/5-1924[#30]. **Finn** ^{B85} f Korsgt 15 7/1-, dpt Bakke krk. 8/4-1912[#42], konf Lade krk. 3/10-1926[#18]. **Karen** ^{B86} f Bjørklund, Tyholt 9/2-, dpt Bakke 21/6-1914[#71], konf Lade 14/10-1928[#32]. **Per** ^{B87} f

Tyholt 29/12-1915, dpt Bakke 30/4-1916[#47]. **Bjørn** ^{B88} f Tyholt 17/4-, dpt 17/8-1919[#79]. **Ulv** ^{B88} f Tyholt 12/8-1921, dpt Bakke 17/4-1922[#33], død 11/3-1998, gravl Moholt 29/5 s.å.

Hjå DISgravminner finn ein at **Hilda Nikoline** ^{B8} vart gravlagd på Moholt kirkeg. 7/8-1951. Med same gravnr. finn vi **Edgar Christiansen** 27/3-1937 – 8/8-1989 (*barnebarn?*), og i grava inntil kviler sonen **Kaare** ^{B82}, gravl. 26/5-1972.

På Moholt kirkeg. finn vi òg **Aasta** ^{B81} **Johnsen**, gravl. 22/2-1973. Ho gifta seg med **Harald Godtfred Johnsen** på Lade prestekontor 29/11-1922[#42]. Han var fødd i *nedre Møllenbergs gt 67* 6/3-, dpt Bakke krk. 30/9-1897[#112], gravl Moholt 1/4-1977. Han var son til smedmester og hovslager **Hans Johnsen** og **Elisabet Erikson**.

Bjarne ^{B84} **Kristiansen** vart gravlagd på Moholt 18/4-1990. **Finn** ^{B85} **Kristiansen** finn vi med gravferdsdato 29/10-1981. Han kviler saman med **Aasta Kristine**, gravl. 28/8-1992. Ho var dotter til **Ole Johansen Sørdal** og **Agnete Karoline Kristiansdtr Bækken**, fødd Bækken 9/2-, dpt Sletta krk, Nord-Frøya 2/5-1915[#10]. **Aasta** er med i ein GENIprofil og i databasen «**Dreier og Kristiansen**»

Per ^{B87} **Kristiansen** døydde 15/1-1999, gravlagd Moholt 21/1 s.å. I grava inntil finn vi **Bergny Konstance Kristiansen** f 18/10-1914, død 16/9-1997, gravlagd 23/9 s.å. Ho var dotter til gbr **Ole Olsen Varø** og **Gjertine f Undeland** og fødd på **E C Dahls stiftelse**, dpt 26/10-1914[#0].

Bjørn ^{B88} **Kristiansen** døydde 18/3-2005, gravl Moholt 13/5 s.å. På same gravnr. kviler **Gunborg Elly**, f 29/1-1922, gravl. 13/5-1981. Ein GENIprofil (*adm av sonen?*) fortel at ho var fødd i Härjedalen.

Hans Elius ^{B9} gifta seg 20/5-1906[#13] med **Mari Kristine Bentine Karlsen**, dotter til **Karl Mathi** og **Maren Elen Sophia Madsdtr**, f i *Florø, Sunnfjord*, dpt i **Kristiansund N 24/12-1882[#153]**, konf 1897[#108]. Ved FT1900 budde ho på Melbo under gnr 53/1 i Hadsel saman med **Karl Karlsen** (faren), fødd i Askvoll, og **Anne Larsen** frå Kristiansund. **Mari** og **Hans Elius** budde ved FT1910 på Roligheten gnr 52/20 i Hadsel. **Hans Elius** ^{B9} døydde 22/8-1954 medan **Mari** døydde 26/4-1959. Dei er gravlagde på Melbu.



Grønning, Ytre Eidsfjord krk., Hadsel - foto OHF 1/6-2010

Siri ^C **Eriksdotter** stod brur i Hadsel krk. **Olsokdagen**, 29/7-1861. På brudgomstolen sat **Christen Anthoni** f *Lekang* 15/6-, dpt 29/8-1830[#26](heimedpt 22/8), konfirmert 21/6-1846[#3], son til **Hans Peter Andersen Lekkan** og **Ane Elisabeth Tillemann**. FT1865 syner at **Christen(Kristen)** og **Siri** ^C då var husmannsfolk, busett på **Steilo**.

Dei var foreldre til **Anna Elise** ^{C1} f Lekang 2/5-, dpt 3/8-1862[#74], konf 10/6-1876[#18]. **Carl Sophus** ^{C2} f Steilo 4/7-, dpt 25/9-1864[#127], konf 3/10-1880[#4]. **Johanna** ^{C3} f Steilo 2/8-, dpt 22/4-1867[#4].

Borna vart snøgt farlause. *Pladsbruger* **Kristen Anthone Hansen**, 37 1/2 aar, *opholdsted* Steilo, omkom «ved *Kuldseiling*» 25/1-1868[#5]. Det ser ut til å ha vore fire karar i båten. Alle fire drukna. Attåt **Kristen** var det *postaabner og gaardbruger* Ove Laseus Solberg 31 1/2 aar, *handelsbetjent* Hans Øien Solberg 24 7/12 aar og *Uhrmager fra Finland* Gustav Lindqvist 25 aar. *BegravelsesDatum* er notert til 21 mars 1868.

Ved FT1875 finn vi enkje **Segri Eriksdr** ^C busett på Melbostrand lno 103. Ho var då «forsørget af **Johan Hans**.», han var «*Logerende, ugift fisker*». 17/5-1876[#4] vart **Johan** og **Siri** ^C vigde til ektefolk i Hadsel krk. Det vart notert i ministerialboka: «*Hendes Iste mand, Kristen Hansen Steilo omkom på Søen 25/1 1898. Skifteattest fra Lensm Stofne af 11 mai 1876.*» - Så langt eg skjønar må **Johan** vera son til husman **Hans Martinsen** og **Jensine Nilsdr**, f Melbu 25/4-1857 og konfirmert 22/9-1872[#4].

I juni 1882[#7] fekk *Gift Kone* **Siri Eriksdatter** utflyttingsattest mrd reisemål Amerika. Ho hadde «*Attest af 3/6 82, f 1840 i Aurdal, Valdres, ægteviet 17/5-76 med Johan Edvard Hansen der i fjor (i 1881) reiste til Amerika; sidste Gang til alters 4. Sønd eft Tref 1876.*»

Anna Elise ^{C1} var ved FT1875 pleiedotter på **Grottingnæs**, lno 206 i Hadsel. Ho vart smidd i **Hymens lekkjer** 7/5-1884[#3]. Ektefelle vart fiskar **Henrik Møller Eriksen**, son til *gaardmand* **Erik Larsen**, Vasvig og **Maren Anna Peersdr**, fødd i **Vasvig** 11/2-, dpt 28/5-1860[#17], konfirmert 19/9-1875[#20]. Familien budde ved FT1891 på Hov, lno 189^{ab}(#15) Sandnes og Markmarken teljekrins, **Husliste**, **Personsedlar f.o.m – t.o.m**. Eg har ikkje greidd å finne dei i teljingane 1900 og 1910.

Henrik og **Anna Elise** ^{C1} var foreldre til: **Kristine Antonie** ^{C11} f Vasvik 8/5-, dpt Hadsel 31/8-1884[#66]. **Ingvald Martin** ^{C12} f **Holmbakken**, Øksnes 10/5-, dpt **Øksnes krk.** 8/8-1886[#0]. **Kristen Severin** ^{C13} f Lipjord, Øksnes 20/1-, dpt Øksnes krk 22/7-1888[#16]. **Karl Johan** ^{C14} f Hov,Hadsel 20/1-, dpt Hadsel 29/6-1890[#28]. **Harald Sigurd** ^{C15} f **Haukenæs** 20/5-, dpt Hadsel 28/8-1892[#78].

Carl(Karl) Sophus ^{C2} finn vi som brudgom i **Bjørnskinn krk.** på Andøya 26/9-1886[#13]. Brura var dotter til gardbr. **Peder Andreas Pedersen** og **Anne Bergitte Henriksdr**. Ho var fødd på **Nøs(s)** 9/8-, dpt 29/10-1864[#55] i Bjørnskinn. Ho fekk då namnet **Helene Kornelie**. Ho vart konfirmert 25/5-1879[#6]. **Nøis**, lno 25 i Dverberg var adresse ved FT1875. «*Husmand Nøis*» var adressa **Helene** og **Karl** ^{C2} var busette på ved FT1891, **Husliste**. **Personskjema f.o.m – t.o.m**. Holten, gnr 8/13 i Dverberg var bustad ved FT1900.

Helene og **Karl** ^{C2} vart foreldre til: **Alida Petrine** ^{C21} f Nøis 15/6-, dpt Bjørnskinn 31/7-1887[#13], konf Bjørnskinn 8/6-1902[#10]. **Koldevin Sigurd Johan** ^{C22} f Nøis 6/3-, dpt 26/5-1899[#4], konf 14/6-1903[#2]. **Klara Helene** ^{C23} f Nøis 3/3-, dpt 10/7-1892[#7], konf 27/5-1906[#2]. **Anne Marie** ^{C24} f 27/1-, dpt 7/7/-1895[#5], konf 6/6-1909[#4]. **Jenny** ^{C25} f 18/12-1897, dpt 7/4-1898[#3], konf 9/6-1912[#3]. **Hilma Johanne** ^{C26} f 4/2-, dpt 22/6-1902[#2], konf 4/6-1916[#6]. **Berntine Constance** ^{C27} f 7/3-, dpt 15/6-1906[#5], konf 11/6-1920[#7].

Gaardbruger, gift **Karl Sophus** ^{C2} **Kristensen** døydde på Nøis 26/12-1907[#1] av *lungebetændelse*. Han vart gravlagd ved Bjørnskinn krk. 31/12 s.å og jordfesta 22/7-1908. FT1910 syner at enkja **Helene** og borna **Koldevin** ^{C22}, **Hilma** ^{C26} og **Berntine** ^{C27} budde på **Nøis** Holten gnr 8/13 i Dverberg.

Ein «*Private User*» har hjå **GENI** presentert mykje info om etterslekta til **Helene** og **Karl Sophus** ^{C2}.

Eg skal her berre ta med nokre kjeldeopplysningar: **Alida Petrine** ^{C21} gifta seg i Kvæfjord 19/2-1914[#3] med **Jørgen August Berg** f 24/8-, dpt **Kvæfjord krk.** 26/10-1885[#42], konfirmert **Kvæfjord** 22/7-1900[#24]. Dei hadde m.a. sonen **Jens Johan Normann** ^{C211} f Berg, Kvæfjord 16/8-, dpt 13/10-1918[#28b]. **Alida** døydde 7/1-1936 og **Jørgen** døydde 14/9-1967. Ektefolka vart gravlagde på Evenes kyrkjegard.

Koldevin ^{C22} fann seg kone i nærområdet. 31/8-1921[#13] gifta han seg med **Julie Sofie Olsen**, f Nøis 28/1-, dpt 25/6-1899[#3]. konf 8/6/1913[#2]. Foreldra hennar var **Ole Parelius Lind Olsen** og **Petra Marie Johansen**. Frå kyrkjebøkene finn ein at dei fekk sonen **Karl Herman** ^{C221} f 12/1-1922[#1], død 13/1 s.å. og dottera **Oddlaug Petra** ^{C222} f 30/4-, dpt 12/8-1923[#6]. DISgravminner syner at **Julie Sofie** døydde 9/3-1973 og **Koldevin** ^{C22} døydde 17/12-1978. Dei vart gravlagde på **Bø/Nøss kirkegård**.

Klara Helene ^{C23} døydde iflg DISgravminner i1960, ho er gravlagd på **Nordmela kirkegård** i lag med **Konrad B Antonsen**, gravl. 11/3-1972. Eg reknar med at dette er karen som er registrert på gnr 34/1, Mjele nordre, i Dverberg ved FT1900 – og Nordmela(gaard) gnr 34/1i FT1910.

Anne Marie ^{C24} finn vi hjå DISgravminner, død 3/4-1976. Under same gravstein på **Narvik nye gravplass** finn vi **O Ursin Bjørklund** f 27/9-1885, død 14/7-1951.

Ministerialbok for **Bjørnskinn** syner at **Hilma Johanne** ^{C26} fekk ei dotter 20/9-1924. Jenta fekk namnet **Helen Karoline** ^{C261} 7/6-1925[#2]. Faren var **Eide Marinus Seljehaug**, som då oppheld seg i Amerika.

Til sist vel eg å tru at **Berntine** ^{C27} er henne vi finn hjå DISgravminner død 23/5-1986, gravlagd på **Klo kyrkjegard** i Øksnes 29/5 s.å. - Ho var i så fall kona til **Magnus Brun** f 24/9-1906, død 11/3-1991, gravlagd 19/3 s.å.



Torvstakkar – Vesterålen 1976 - foto OHF



Den avbrotne gravsteinen til **Gurine Marie** ^D hadde eg funne hjå DISgravminner innan eg var innom Hadsel kyrkjegard 1. juni 2010. Men då laut eg ha mitt eige «digitale skot» - som eg har plassert til venstre her.

Ho **Gurine Marie** gifta seg, lik systrene sine, med ein kar frå nærområdet. **Nils Martin(us) Jakobsen** var fødd på **Sløvra**(*Sløveren*) 5/10-1842, dpt Hadsel 25/5-1843[#7] og konfirmert 17/6-1860[#12]. Foreldra hans var **Jakob Johannesen** og **Pernille Nilsdtr.** - Om «*bryllaupet var både gildt og stort*», veit eg ikkje, men det vart halde 13/9-1863[#17]. Jakob Johannesen (far til brudgommen?) og Mikael Larsen frå **Fiskefjord** var forlovarar. **Gurine Marie** ^D og **Nils Martin** budde ved **FT1865** i Fiskebøl, løpenr 50, ved **FT1875** og **FT1891**[#49] på Gulstad, lno 104 og i **FT1900** var dei kårfolk på **Myren gnr 54/7** i Hadsel. Sonen **Edvard** ^{D4} overtok eidedomen ved skjøte av 15/7-1897.

Gurine Marie ^D og **Nils Martin** vart opphav til ein stor barneflokk. Dei fekk rett nok ikkje *aderton barn*, men eitt mindre enn dusinet fullt, det lyt då seiast å vera god *fertilitet*. **Emelia Sofie** ^{D1} vart namnet til den fyrstefødde. Ho kom til verda i god tid innan foreldra rakk å gifte seg, fødd 15/5-, dpt 20/5-1861[#9], konf 10/6-1878[#32]. **Peder Joachim Sophus** ^{D2} rakk òg å koma til verda innan foreldra var ektevigde, han var f 10/6-, dpt 20/9-1863[#103] og konfirmert 3/10-1880[#6]. **David Kristian Berg** ^{D3} f **Fiskebøl** 14/8-1865, dpt 24/1-1866[#20], konf 1/10-1882[#3]. **Edvard Leganger** ^{D4} f **Fiskebøl** 4/5-, dpt 18/8-1867[#60]. **Hanna Vilhelmine** ^{D5} f **Gulstad** 22/12-1869, dpt 26/6-1870[#22], konf 14/6-1886[#10]. **Simon Martin** ^{D6} f **Gulstad** 17/6-, dpt 18/8-1872[#106], konf 16/9-1888[#7]. **Marianne Bergitte** ^{D7} f **Gulstad** 23/3-, dpt 15/8-1875[#113], konf 7/6-1891[#33]. **Nils Martin** ^{D8} f **Gulstad** 28/3-, dpt 4/7-1878[#68], konf 30/9-1894[#6]. **Helmine Elise** ^{D9} f **Gulstad** 18/8-1880, dpt 29/5-1881[#6], konf 7/6-1896[#7]. **Adolf Fredrik Jentoft** ^{DA} f **Husby** 24/4-, dpt 5/8-1883[#54], konf 25/9-1898[#2]. **Gerda Marie** ^{DB} f **Husby** 27/5-, dpt 3/10-1886[#78], konf 30/6-1901[#71].

Kaarkone **Gurine Marie** ^D døydde på **Husby** 2/12-1907[#41] og vart gravl 8/12 s.å. Enkjemannen vart ved **FT1910** notert føderaadm., busett på **Myren gnr 54/7** saman med pleiesonen **Gulløv Kristoffersen**. *Enkemand* og *kaarmand* **Nils Martin(us) Jakobsen** har fått skrive «*Alderdøm*» som dødsårsak. Han døydde på **Husby** 20/12-1923[#40], gravl. /jordfest 3/1-1924. Kan namnet hans ha stått på øvre del av gravsteinen ?

Emelia Sofie ^{D1} sto brur 30/4-1886[#1]. Ho vart gift med **Johannes Johnsen**. Han var son til inderst-paret **Jon Samuelsen** og **Ingebor Jørgensdtr**, fødd på **Sandvik i Øyer** 2/12-, dpt i **Tretten krk.** 12/12-1858[#127], konf **Tretten** 26/4-1874[#17]. **FT1875** syner familien på **Kullebækken** lno 149 i **Øyer**.

Borna deira var: **Jens Ingvald Sigurd** ^{D11} f **Husby** 17/7-, dpt 26/9-1886[#82], konf **Hadsel** 29/9-1901[#54]. **Gulof Norman** ^{D12} f **Husby** 28/9-, dpt 10/11-1889[#100], død 19/6-1890[#45], gravl. 29/6 s.å. **Gina Lusie** ^{D13} f **Husby** 23/5-, dpt 23/8-1891[#73], konf 10/6-1906[#71]. **Else Hjalma** ^{D14} f 23/8-, dpt 13/10-1895[#100], konf 5/6-1910[#69]. Dei budde ved **FT1891** #49, på **Husby** lno 104a (saman med familien til kona). **Husliste**, **Personskjema** f.o.m t.o.m. Ved **FT1900** og **FT1910** er bustad **Bjerke** under gnr 54/3 i **Hadsel**. **GENI**.

Johannes Johnsen døydde 9/5-1940, gravl 16/5 s.å. **Emilie Sofie** **D1** døydde julekvelden, 24/10-1947. Ho vart gravlagd 7. januar 1948.

Jens Ingvald Sigurd **D11** finn vi som brudgom i Ringsaker 11/11-1910[#32]. Han gifta seg då med **Johanne Johannesdtr**, dotter til Johannes Christensen og Agnete Johannesdtr, f Ulveneige i Brøttum 29/10-, dpt Brøttum krk. 27/12-1885[#23], konf 30/9-1910[#3]. **Jens** var då «*Mek.Arb*» på Hamar. DISgravminner syner at han vart gravlagd 12/1-1952. **Johanne** døydde 8/7-1963, gravl. 13/7 s.å. Ekteparet kviler på Ottestad kyrkjegard.

Peder Joachim Sophus **D2**, ofte skriven **Sofus** i kyrkjebøkene, gifta seg i Hadsel 17/9-1886[#29] med **Henriette Nikoline Olsdtr** f Haukenes 21/9-, dpt 24/10-1858[#96], konf 14/6-1874[#24], dotter til Ole Nikolai Henriksen og Hanna Christine Hansdtr. FT1865 plasserer familien på Skagen i Hadsel. Dei budde ved FT1900 og FT1910 på Birkelund under Melbo(Gammelgaarden) gnr 52/1 i Hadsel. GENiprofil.

Eldst i ungflokken var **Olaf** **D21** f Indbjør 4/9-, dpt 30/10-1887[#94], død 11/2-1892[#5], gravl. 22/2 s.å. **Alf** **D22** f Melbu 18/1-, dpt 20/6-1890[#39], konf 18/6-1905[#56]. **Olga Henriette** **D23** f Melbu 5/3-, dpt 6/6-1892[#10], konf 9/6-1907[#47]. **Astrid** **D24** f Melbu 9/5-, dpt 8/6-1894[#30]. **Olaf** **D25** f 24/5-, dpt 23/8-1896[#76], konf 23/6-1911[#73]. **Reidar** **D26** f 29/7-, dpt 10/10-1897[#90], konf 21/7-1912[#48].

DISgravminner syner at **Alf** **D22** døydde 19/4-1972, gravl 26/4 s.å. Under same gravstein på Hadsel kyrkjegard kviler òg **Aminda Petrine Kristine Nielsen** død 10/11-1990, gravl 16/11 s.å. Ho høver til å vera dotter til *grdm* Ole Henrik Amundsen og Petra Auguste Kornelie Pedersen, fødd i Halshavn, Tranøy(Senja) 6/7-, dpt Tranøy krk. 30/8-1903[#27]. Ved FT1910 budde ho på Stanglandhals gnr 11/3 i Tranøy.

Olga Henriette **D23** var ved FT1910 stuepige hjå advokat Aanderud med fam., busett på Løkken gnr 31/10 i Bodin. Ho er også med i FT1910 for Hadsel. Ho døydde av tuberkulose 12/1-1920[#2], gravl Tajord, Hadsel 20/1 s.å.(gravstein). Det er notert at ho var gift med *mekaniker* **Olaf Rasmussen**. Han var son til dag-arbeidar Lars Rasmussen og Albine Sofie Trondsd, f i Bodø 5/4-, dpt 8/6-1890[#30]. Ved konf 13/8-1905[#57] vart han skriven **Olav August**. FT1910 syner at han var *dampskipsfyrbøter i utenriks fart*. Kommunal teljing for Trondheim kjøpstad 1925 syner at Olaf Aug. Rasmussen budde i Strindavegen 18 på Lademoen. Han hadde då gifta seg oppatt, og hadde tre born i det nye ekteskapet.

Astrid **D24** finn vi hjå DISgravminner med dødsdato 1/10-1973. Ho vart gravlagd på Vår Frelsers kirkegård i Haugesund 5/10 s.å. Gravsteinen fortel at ho kviler saman med *skipper* **Anton Neergaard Jakobsen**. Han var son til Jakob Olsen og Ida Jørgensen, f Holdøy 19/12-1892, dpt 2/7-1893[#28], konf 22/9-1907[#15].

David Kristian Berg **D3** var 26/9-1886 fadder til systersonen **Jens Ingvald Sigurd** **D11**. To år etter, 20/7-1898[#11] gifta han seg med **Anna Mathilde Evensen**. Ho var dotter til Even Iverson og Ane Amundsdr, f Grandeplass 16/9-, dpt i Overhalla prgj. 18/10-1857[#125] og konfirmert 2/6-1872[#11]. FT1900 syner at dei budde på Smehaugen under gnr 54/2 saman med dottera **Anna Elise** **D31** f Gulstad



28/3-, dpt 12/8-1888[#64], konf 7/7/-1903[#54]. Ved FT1910 bur **Anna** **D31** og foreldra framleis på Smihaugen(Nygaarden). **Anna** driv no med *Damesøm*. Pleiedottera Julie Pettersen høyrer også til i husstanden. GENiprofil.

Anna **D31** **Davidsdtr** gifta seg i Vågan prgj.13/5-1915[#14] med smed **Reinholdt Andor Reinholdtsen**. Han var son til Reinholdt Andor og Anna Serine Paulsdtr, fødd på Kråknes i Frå Nyksund – juni 1973 – skann av dias, foto OHF

Øksnes 16/6-, dpt [22/10-1893](#)^[#32] og konfirmert i Øksnes krk. [14/6-1908](#)^[#19]. [FT1900](#) plasserer familien på Krognæs gnr 67/2, [FT1910](#) fortel at **Reinholdt** er fiskar, midlertidig busett i [Nyksund](#). - **Anna Elise** [D31](#) døydde [2/10-1959](#) og vart gravl. 10/10 s.å. **Reinholdt** døydde 17/3-1979, gravl 24/3 s.å. Dei kviler båe på Melbu gravplass.

Edvard Leganger [D4](#) gifta seg [30/9-1897](#)^[#21] med **Marie Anna Christine Lehn**, f Husby 17/8-, dpt [Hadsel 8/11-1874](#)^[#131], konf [7/6-1891](#)^[#42]. Foreldra hennar var husmann[<#>].sfolka [Anton Lehn](#) frå Sparbu og [Kathrine Marie Knutsdtr.](#) Dei budde ved [FT1875](#) på Husby. [GENIprofil](#).

Marie og **Edvard** [D4](#) fekk døtrene **Anny Katrine** [D41](#) f 13/7-, dpt [11/9-1898](#)^[#66], konf [15/6-1913](#)^[#79], død [1/2-1981](#), gravl Hadsel 9/2 s.å. **Emma Marie** [D42](#) f 21/1-, dpt [14/10-1900](#)^[#76], konf [20/6-1915](#)^[#56]. Så kom **Sara Elise** [D43](#) f 16/1-, dpt [23/11-1902](#)^[#80], konf [12/6-1916](#)^[#69], død 13/8-1992, gravl 20/8 s.å. **Reidun Alise** [D44](#) f 5/7-, dpt [15/9-1912](#)^[#61], død 6/9-2002, gravl Hadsel 13/9 s.å. - Familien budde bådde ved [FT1900](#) og [FT1910](#) på [Myren gnr 54/7](#) i Hadsel ([registerII](#)).

Emma Marie [D42](#) fann seg ein kar frå [Lekang](#), **Ludvig Viljam Jacobsen**. Han var son til [Lorents Edvard Jacobsen](#) og [Marie Ovedia Hansdtr.](#) f 4/4-, dpt [23/8-1896](#)^[#74], konf [23/6-1911](#)^[#75]. **Emma** og **Ludvig** feira bryllaup [19/6-1920](#)^[#12]. Sonen **Eindrive Viljam** [D421](#) vart fødd på Husby 20/12-1920, dpt [11/9-1921](#)^[#74]. - **Ludvig** døydde [1/11-1979](#), gravl Hadsel 8/11 s.å. **Emma Marie** [D42](#) døydde [24/4-1991](#), gravl Hadsel 3/5 s.å. [GENIprofil](#).

DISgravminner syner at **Eindrive Viljam** [D421](#) døydde 12/3-1979. Han deler gravstein med **Solveig Jensine** fødd 16/6-1922, død 1/3-1922, gravl 11/3 s.å. Dei kviler på [Frogn kirkegård](#) i Follo.

Hanna Vilhelmine [D5](#) fekk i [1899](#)^[#22] utflyttingsattest med reisemål [Andøen](#). Ho sto brur i [Bjørnskinn krk.](#) på Andøya nyårsdag, [1/1-1900](#)^[#1]. Ho gifta seg med *arbeidsformand* **Hans Henriksen**. Han var son til [Henrik Halvorsen](#) og [Tobine Marie Knutsdtr.](#) fødd [Flakstad](#) i Lofoten 1/10-, dpt [Flakstad 9/12-1855](#)^[#58], konfirmert [Borge i Lofoten](#) 1870(notert ved giftarmål, men ikkje funne i Borge prgj.). Dei budde ved [FT1900](#) i Roligheten gnr 21/24 på Åse i Dverberg, ved [FT1910](#) på gnr. 28/11 i Dverberg herad.

Dei hadde borna **Sverre Arnljot** [D61](#) f 17/4-, dpt [Bjørnskinn 5/8-1900](#)^[#4], konf Dverberg [6/6-1915](#)^[#3], død Vadsø [1/2-1949](#), gravl 8/2 s.å. **Haakon Thomas** [D62](#) f Åse 14/12-1901, dpt [19/5-1902](#)^[#6]. **Gunda Nathalie** [D63](#) f Myre, dpt [1/6-1903](#)^[#2], konf [9/6-1918](#)^[#4]. **Haldis Hildur** [D64](#) f Myre 7/12-1904, dpt [15/10-1905](#)^[#13], konf [6/6-1920](#)^[#12]. **Vilhelm Magnus** [D65](#) f Saura 27/10-1906, dpt [3/6-1907](#)^[#8], konf [14/5-1922](#)^[#4]. **Lindgren Christoffer Johan** [D66](#) f 15/12-1908, dpt [5/9-1909](#)^[#10], konf [13/5-1923](#)^[#4].

DISgravminner opplyser at **Gunda Nathalie** [D63](#) døydde [12/5-1983](#) og vart gravlagd 2/6 s.å. på Solheim kirkegård i Årstad, Bergen. Under same gravstein kviler **Ferdinand Bøe**, død [6/2-1951](#). Det er vel han som er *Fyrbøter(Dampskip)* ved [FT1910](#), son til *Skolevagtmeister* [Rasmus Ytrebø](#) frå Stryn kona [Berte](#) frå Hamre. - **Ferdinand Bøe** er med i fleire [GENI](#)profilar ([1,2](#)). Han og **Gunda** finn vi registrert i «[Valg-manntall 1934 for kommunevalg i Bergen](#)» - dei budde då i Haukelandsveien 27.



Sør på Langøya, 30/6-2010 - foto OHF

Helmine Elise [D9](#) fann sambygdingen **Alfred Kristian Lind Larsen**, dei starta ekteskap i Hadsel krk. [26/9-1903](#)^[#18]. **Alfred** var fi i Vik 5/6-, dpt [1/8-1880](#)^[#55], konf [21/9-1895](#)^[#48]. Han var son til gardbr. [Anton Larsen](#) og [Anna Kristine Hansdtr.](#) Ved [FT1900](#) budde han saman med foreldra og sju sysken på [Vik gnr 74/14](#) i Hadsel.

Alfred og **Helmine Elise** [D9](#) vart foreldre til **Sara Gudrun** [D91](#) f Husby 22/7-, dpt [25/9-1904](#)^[#96], konf [22/6-1919](#)^[#42]. **Lilly Marie** [D92](#) f Husby 1/4-, dpt [22-2/7-1906](#)^[#48], død [4/8-1907](#)^[#30], gravl 11/8 s.å. Ei ny **Lilly Marie** [D93](#) f Husby 15/6-, dpt [8/9-1907](#)^[#60], konf [18/6-1922](#)^[#28]. **Torleiv Gunnar Simon**

D94 f Vik 26/2-, dpt Eidsfjord [17/10-1909\[#19\]](#), konf [27/7-1924\[#5\]](#). **Aslaug Kristine** **D95** f Vik 15/10-1910. dpt Eidsfjord [9/7-1911\[#9\]](#). konf [21/6/1925\[#45\]](#). Tvillingane og **Koldevin Reidar Olav** **G96** og **Gunnar Normann** **G97** f Husby 13/2-1920, dpt [5/3-1922\[#4 og #5\]](#). Familien var ved [FT1910](#) busett i [Vik ytre gnr 74/14](#) i Hadsel.

Alfred Kristian Lind Larsen døydde etter opplysning hjå DISgravminner [20/6-1953](#), gravl 27/6 s.å. medan **Helmine Elise** **D9** døydde [2/3-1957](#), gravl 9/3 s.å. Dei er gravlagde på Melbu.

Sara Gudrun **D91** finn vi gift i Hadsel [9/6-1932\[#18\]](#) med **Emil Winnem**. Han var son til lensmannsbetjent **Oseas Emanuel Winnem** og **Emelie Torine Olsdtr.** Han var fødd på [Skogø i Evenes](#) 31/1-, dpt i [Evenes krk. 14/7-1901\[#8\]](#), konfirmert [11/6-1916\[#7\]](#). Ved [FT1910](#) var han busett på [Rydnes gnr 18/12. Rynæsset BrugsNo 3](#) finn vi i panteregister n. 25(1890-1912). - **Emil Winnem** døydde [4/10-1988](#), gravl 12/10 s.å. medan **Sara Gudrun** **D91** døydde [1/10-1996](#), gravl. 9/10 s.å. Dei kviler på Evenes kyrkjegard. Han er med i ein [GENIprofil](#). Eg kan leggje til at [det er fleire band](#) mellom utflytta Valdrisar(Åbjøringar) i Ofoten og Vesterålen og Winnemfamilien frå [Vanse](#) (Lista).

Hjå DISgravminner finn vi at **Lilly Marie** **D93** døydde, [7/2-2000](#), gravl 15/2 s.å. Ho «deler» gravstein med **Bjarne Olsen** død [17/6-1971](#), gravlagd 24/6 s.å. Gravstad er [Eiganes gravlund](#) i Stavanger. Eg vil tru at **Bjarne** var son til **Ole Eriksen** og **Hanna Tøgersen**, fødd på [Igerø](#) i Vega prgj, 1/5-, dpt [14/8-1901\[#10\]](#), konf Vega [18/6-1916\[#7\]](#). [FT1910](#) syner at han budde i Jedarvik([Gjetarvik](#)) gnr 3/2 i Vega herad. [GENIprofil](#). Det ville heller ikkje forundre meg om **Bjarne Olsen** 29/12-1933 – [21/6-1971](#) var son til **Bjarne** og **Lilly**.

Edvard Johan Berg Haavardsen var namnet til karen som vart gift med **Gerda Marie** **DB** i ytre Eidsfjord krk. [2/10-1910\[#4\]](#). Han undrast vel ikkje på [kor hammaren låg](#). Han var fødd på Kalsnes i Hadsel 18/4-, dpt Hadsel [3/6-1883\[#20\]](#), konf [25/9-1898\[#40\]](#). Han var son til inderstparet **Johan Martin Haavardsen** og **Birgitte Petrine Ediasdtr.**

I god tid innan dei gifta seg hadde **Edvard** og **Gerda Marie** **DB** starta familie. Dottera **Nelly Gurine** **DB1** var fødd på Husby [16/1-1909\[#15\]](#), død Karlsnes [18/6-1911\[#18\]](#), gravl Skagen gml. 2/7 s.å. ([DIS](#)). **Haavard** **DB2** f Kvalsøy 3/8-, dpt Eidsfjord [10/10-1915\[#30\]](#), konf [17/6-1928\[#26\]](#). **Bjarne Johan** **DB3** f Kalsnes 16/5-, dpt Eidsfjord [22/10-1916\[#26\]](#), konf 1930.

Gerda Marie **DB** døydde på [Stokmarknes sjukehus 30/9-1927\[#37\]](#), gravl/jordf Tajord 7/10 s.å. ([DIS](#)) **Edvard Haavardsen** hadde gifta seg oppatt, DISgravminner syner at han døydde [21/10-1965](#), gravl 28/10 s.å på Stokmarknes gravplass – inntil [Emma K Haavardsen \(20/11-1895\[#15\] – 27/8-1978\)](#).

Bjarne Johan **DB3** finn vi gravlagd 1/8-1996 på Stokmarknes gravplass. Han døydde [27/7-1996](#). Han deler gravstein med **Gunvor Kristine** f Larsen, dotter til [Hans Ingolv Larsen/Julie Madsen](#), f 6/8-1915, dpt [25/6-1916\[#24\]](#), død 31/10-1977, gravl 5/11 s.å. - **Gunvor** og **Bjarne** er med i ein [GENIprofil](#).



Kvinnenamnet **Aminda** og mannsnamnet **Koldevin**

er namn eg har støytt på i samband med skiving av føregåande stubb. Ein [artikkel i «Nordlys»](#) frå 18/2-2013 syner at **Aminda** er nemnt som eit av dei særleine namna i Troms. Både «[Namneboka](#)» (*Olav Veka*) og «[Den store navnebogen](#)» (*Anne Svanevik*) seier at opphavet til namnet er usikkert. Nettsida «[Nordic names](#)» har vel mest (og best?) dokumentasjon av nettsidene eg har vore innom.

Frå folketeljningane finn eg at **ingen** vart skrivne **Aminda** i FT1801. I FT1865 finn vi 13 kvinner:

Navn	Født	Fødested	Kilde
Aminda Gustavsdatter	1858*	Hurdalen	0239P Hurdal prestegjeld
Aminda Mathilde Cristine Eriksen*	1863*	Thronhjøm	1601 Trondheim kjøpstad
Aminda Næss	1837*	Tromsø	1601 Trondheim kjøpstad
Aminda Brostrøm	1863*	Thronhjøm	1601 Trondheim kjøpstad
Paula Aminda Dahl	1863*	Thronhjøm	1602 Trondheim kjøpstad
Aminda M. Aas	1863*	Thronhjøm	1701B Levanger prestegjeld, Levanger kjøpstad
Aminda Sofie Hauan*	1863*	Hammerfest	2001B Hammerfest prestegjeld, Hammerfest kjøpstad
Aminda Carolina Endresdatter*	1865*	Hammerfest	2001B Hammerfest prestegjeld, Hammerfest kjøpstad
Aminda Brox	1858*	Thronhjøm	F2002B Vardø prestegjeld, Vardø kjøpstad
Aminda Dorthea Larssen	1845*	Tromsø	1902P Tromsø prestegjeld
Aminda Iversdatter*	1862*	Christiania	0301 Kristiania kjøpstad
Henr. Aminda Lexow	1847*	Drøbak	302 Kristiania kjøpstad
Aminda Magnhilde Lindeman	1828*	Kristiania	303 Kristiania kjøpstad

Den eldste av dei var f 1828 i Kristiania, fordelinga på landsbasis var 4 sør for Dovre, 5 i Trøndelag og 4 i Nord-Noreg. - Fram til FT1910 kjem ei stor endring. Vi finn då i alt 287 med namnet Aminda. Av dei budde 18 på Austlandet, 11 på Vestlandet, 12 i Trøndelag, **91** i Nordland, **126** i Troms og **31** i Finnmark. - Det var då 7 som heitte **Aminda** busett i Lofoten medan 13 budde i Vesterålen:

Aminda Oline Hansen*	30.03.1899	Øksnes	Folketelling 1910 for 1868 Øksnes herred
Aminda Holm	16.04.1872	Evenes	Folketelling 1910 for 1870 Sortland herred
Aminda Marie Jenssen	14.04.1900	Dverberg	Folketelling 1910 for 1872 Dverberg herred
Aminda Hansen	20.05.1877	Loppen	Folketelling 1910 for 1872 Dverberg herred
Aminda Halstensen	1876??-08.06	Balsfjord	Folketelling 1910 for 1872 Dverberg herred
Aminda Jenssen	26.02.1873	Dverberg	Folketelling 1910 for 1872 Dverberg herred
Aminda Pedersen	28.03.1910	Hadsel	Folketelling 1910 for 1866 Hadsel herred
Aminda Kristine Andreassen	09.03.1904	Hadsel	Folketelling 1910 for 1866 Hadsel herred
Aminda Krey	24.03.1906	Hadsel	Folketelling 1910 for 1866 Hadsel herred
Aminda Hveding	30.06.1901	Hadsel	Folketelling 1910 for 1866 Hadsel herred
Aminda Pettersen	06.05.1900@16	Hadsel	Folketelling 1910 for 1866 Hadsel herred
Aminda Hagen	30.07.1900	Hadsel	Folketelling 1910 for 1866 Hadsel herred
Aminda Johansdatter	28.05.1893	Hadsel	Folketelling 1910 for 1866 Hadsel herred
Aminda Johnsen	03.02.1897	Hadsel	Folketelling 1910 for 1866 Hadsel herred

Når det gjeld **Koldevin** (utan tilknytning til [Eiswein](#)) er det heller **ingen** i FT1801 skrivne med dette førenamnet. I FT1865 er det 2 i Halden, 4 i Sortland og 2 i Karlsøy. I FT1910 er det i alt 50 karar med dette førenamnet, av dei 36 med bustad i Nordland fylke. Tre av dei bur i Lofoten, 25 i Vesterålen. Dei fordeler seg med 5 i Hadsel, 6 i Bø, 2 i Øksnes, 10 i Sortland og 2 i Dverberg.

Coldevin Kristoffersen	24.03.1898	Hadsel: Fiskefjord (husmandsplads)
Koldevin Olsen	11.09.1908	Hadsel: Rabben
Koldevin Komeliusen	07.01.1879	Hadsel: Jerstad
Koldevin Olausen	06.04.1895	Hadsel: Steffenhaugen (plads)
Koldevin Pedersen	01.08.1906	Hadsel: Kjørstad

Hjå NRK Nordland ([oppdatert 3/3-2003](#)) fann eg dette: «- et eksempel på et *opphavlig slektsnavn som er tatt i bruk som fornavn*. Dette gjelder særlig slektsnavn til embetslekter, gjerne slike som kom fra Danmark og hadde status. For eksempel *Astrup, Jentoft, Gjæver, Schjønning, Koldevin/Coldevin* og kvinnenavnet *Koldevine*. Slekta Koldevin har [tilknytning til Dønna](#). Fornavn av typen *Astrup* og *Jentoft* vart særlig tatt i bruk av småkårsfolk i siste del av 1800-tallet.»

Var Tøris Andersen frå Valdres eller frå Sogndal ?

Ungk **Tørris Andersen Stokmarknæs**, 22 år gamal, gifta seg i Hadsel kyrkje [24/10-1865](#)^[#16] med Pige **Hanne Endrine Johannesdr Hof**. – Brugdommen er notert å vera 25 år gamal og fødd i *Valders*; faren var *A Tørrisen*. Pussig nok er det og notert at karen var koppevaksinert 14/7-1836 – altså tre år før han iflg. oppgjeven alder var fødd. Det er vel det ein lyt kalla «å vera føre si tid» - eller å seie med Jakob Sande: «*lirka og laug snøggare enn ei premiemerr tråvar*» ! - Brura sin alder var 22 år, ho var fødd i *Bergen* - far hennar var *Joh. Hof*.

Eg er temmeleg trygg på at brura i Hadsel krk. var jenta **Anna Endrine Johanna**, fødd 8/10- og dpt i Domkirken, Bergen [29/10-1843](#)^[#131]. Foreldra var ektefolka *Daglønner Johannes Danielsen Hoff* og *Gjertrud Sørensdtr*. Dei budde i 18. Rode Nr 67.

Tørris og **Hanne** vart ved [FT1865](#) registrerte med bustad på *Litborø* under Stokmarknes. No har Tørris fortalt teljaren at han var fødd i Sogndal ! Han er ein meister i villeiing ! - Etter dette vert ektefolka borte for meg – snøggare enn dogg for sol !

Ei teljing av namna **Tøris/Tørris** og **Tøres/Tørres** frå folketeljingane 1801, 1865 og 1910 gjev fylgjande tabell:

Område / Teljing år	1801		1865		1910	
	Tøris/Tørris	Tøres/Tørres	Tøris/Tørris	Tøres/Tørres	Tøris/Tørris	Tøres/Tørres
Østfold	0	1	0	0	1	0
Akershus	0	0	2	0	1	1
Kristiania	1	0	5	0	6	1
Hedmark	49	9	100	2	49	0
Oppland	9	4	3	1	4	0
Buskerud	1	0	0	0	1	0
Vestfold	2	0	0	0	1	1
Telemark	0	0	1	1	2	1
Aust-Agder	1	8	5	16	5	16
Vest-Agder	14	9	2	110	1	57
Rogaland	19	44	22	91	5	69
Hordaland	100	27	162	59	104	59
Bergen	1	1	4	2	7	3
Sogn og Fjordane	9	0	15	0	6	0
Møre og Romsdal	47	1	47	3	41	2
Sør Trøndelag	22	22	17	16	18	3
Nord Trøndelag	5	49	60	12	33	1
Nordland	7	8	3	0	11	0
Troms	5	1	3	0	2	0
Finnmark	0	0	1	0	1	0
Til saman	292	184	452	313	299	214
I alt	476		765		513	

Frå teljinga 1801 ser det ut til at Sunnhordland har den største andelen av karar med desse namna. I Hedmark høyrde nesten alle Tør(r)(i/e)s karene til i Solør. Av 48 Tør(r)(i/e)s-karar i Møre og Romsdal hadde 41 av dei bustad på Nordmøre.

FT1865 samsvarar godt med kva eg fann i 1801 – med Sunnhordland og Solør som arnested for desse Tør.. namna. Den eine karen som bar Tørisnamn i Finnmark i 1910 var trønder, fødd på *Ytterøy*.

Boka «*Norderlendske fyrenamn*» har ei lang utgreiing om namna *Torgils* og *Torgisl* – som Tør(r)(i/e)s namna er bygd på. Dei andre namnebøkene nemnde i «*Gjendinstubben*» har i stor grad ein bleik kopi av teksta i 'fyrenamnboka'.

Namneberarane i Oppland for dei tre teljiingane høyrer alle til i Valdres, dei fleste i Vang.

Nilssonene frå Røn - på Hjelsand i Øksnes og syskena frå Viste i Røn – som også var «nordgåande»



Hjelsand ligg på Skogsøya i Øksnes kommune i Vesterålen

Ein gut kjem til verda på Rebne i Røn. Guten får namnet **Tølleiv** i [Slidredomen 28. februar 1779](#)[V side, 3. ovanfrå]. Han står til konfirmasjon i Røn kyrkje [21. juni 1795](#)[# 13]. Både ved dåp og konfirmasjon er han nemnd [Rebne](#). Foreldra hans er *Johannes Tølleivson* og *Randi Andersdtr.* Tølleiv vert [23. april 1801](#)[V side, 9. ovanfrå] trulova med **Sæbjørg Nilsdotter**. Dei gifta seg 19. mai s.å. Ved [FT1801](#) det nemnt at Tølleiv «*gaar i dagleje*».

Sæbjørg fekk namn ved døypefonten i [Røn kyrkje 3. juledag 1777](#)[H side, 5. nedanfrå]. Ho er dotter til *Nils Eivindson* og *Barbro Olsdotter*. Ho vart konfirmert i Slidredomen [23. juni 1793](#)[H side, H spalte # 6] av «*Sogne Præsten hrr Feldtmann*». Ho er «*tiener*» på Reie(*Rejen*) ved [FT1801](#). Ho dør i Rebnisbergo [25. november 1843](#)[#16].

Av borna til **Sæbjørg** og **Tølleiv** skal vi i det vidare slå lag med sonen **Nils**^{A2} **Tølleivson**. Han vart fødd på [Visteeige](#) i Røn sokn, døypt i Røn kyrkje [3. juni 1805](#)[H side, nedst] og konfirmert i [Hegge stavkyrkje 18. august 1822](#)[# 22]. Han hadde m.a. syskena *Batbro* (1808–1851) og *Ragnhild* (1815–1854).

No flytter vi oss «*austom åsen*» og treffer ekteparet *Tolleiv Nilson* og *Sæbjørg Johannesdotter*. Dei held til i [Hedalé](#) i Hegge sokn. Dei gifta seg i [1757](#), og hadde ein stor ungflokk innan vesle **Guri** vert fødd i 1773. Ho vart døypt i Hegge kyrkje [20. februar 1773](#){V side, 5. nedanfrå}. Ho laut «*heimom åsen*» for å bli konfirmert, i [Lomé stavkyrkje 6. juli 1778](#) [Hside, nedre avsnitt., Hspalte, 5. nedanfrå]. Ved [FT1801](#) finn vi **Guri Tolleivsdtr** som «*Tienestefolk, ugivt*» på «*Oxhovd, Hægge Annex*».

«*Heima åsen*», på [Magistad](#) i Røn sokn, vaks **Lars Olsson** opp. Han vart døypt i Røn kyrkje [10. november 1776](#)[V side, 3. nedanfrå] med faddrar frå [båe sidene av «åsen»](#) (Magistad, Hødne og Hande i Røn sokn «*heima åsen*» samt Lisrøe(Rudi) i Rogne sokn «*austa åsen*»). **Lars** vart konfirmert i Rogne kyrkje [22. juni 1794](#)[Hside, nedre avsnitt., Vspalte, #7]. Ved [FT1801](#) er han «*tiener*» på [Reie](#) i Røn sokn. Han er son til *Ola Larsson* og *Kari Jøgersdotter*.

22. februar 1806 fortel Ministerialboka for Slidre prgj. at «*Ungkarl Lars Olsen Jøten og Pigen Guri Tolleivsdtr*» vert [trulova](#) – med trulovingamenn frå kvar si side av «åsen», *Johannes Gulliksen Snortum*(heima åsen) og *Iver Tostensen Melbye* (austa åsen). Paret vert «*Copuleret*» ved Hegge stavkyrkje 10. april 1806. - På [Ukshøvd](#) i Hegge sokn i Øystre Slidre vert **Lars** og **Guri** foreldre til ei lita jente 3. september 1809. (Ja, her er fødselsdato innskrive i kyrkjeboka for Slidre prgj., og det er «*mot normalt*»!) – Jenta vert døypt i Hegge stavkyrkje [17. september s.å.](#) [V side, øvst] og får namnet **Sæbjørg**^{AX1}. Ho vert, som de ser, oppattkalla etter mormor si. – *Eg kjem attende til dette førenamnet i ei rammetekst i enden av denne stubben.*

Sæbjørg^{AX1} **Larsdtr** og **Nils**^{A2} **Tølleivson** vert ektefolk [24. november 1833](#)[#12]. Forlovarane, «*Ole Ulven og Tollev Widste*» høyrer til i Røn sokn, så truleg er det i Røn kyrkje paret gav sine ja-svar.

Paret har så vorte husmannsfolk under ein Røn-gard. Dei er skrivne **Rønseige** når dei døyper alle borna. Eldste son, **Tølleiv**^{A21} vert f 30. mars 1834, [dpt 6. april s.å.](#)[#35], [konf 12. august 1849](#)[#44]. Så kjem **Ola**^{A22} f 23. november 1839, [dpt 8. desember s.å.](#)[#63]. Deretter finn vi **Nils**^{A23} f 6. april 1842, [dpt 17. april s.å.](#)[#33]. **Lars**^{A24} vert f 4. april 1845, [dpt 22. april s.å.](#)[#44]. Den siste guten er **Torstein**^{A25}, f nyårsdagen 1848. Han dør stutt tid etter, [16. februar 1848](#) [#35] og vert gravlagd på Røn kyrkjegard 20. februar same år.

Så ser det ut til at «*eg gjette bort både lam og får*» (Lydfil) i fleire år ... - Men [13. juli 1856](#)[#11] vert «*Ole Nielsen Anslenth*», fødd «*29/11-39 i Slidre Pgd*», konfirmert i [Øksnes prgj.](#) Dette lyt vera «*vår Ola*^{A22}»! Broren **Nils**^{A23} vert konfirmert [19. juni 1859](#)[#8] (med fødestad notert «*Rø i Slidre præstegjeld*») og då veslebror **Lars**^{A24} kjem etter [22. juni 1862](#)[#8] er noteringa «*Ro i Slidre præstegjeld*».

[Det synest som om stadnamnet Røn (*té Røn etté fø'n*) er vanskeleg å gjera kjent oppe i Vesterålen på denne tida]. Han har òg fått notert at han er «Vaccineret» 16/11-1850 av M Jentoft. Dersom dette er rett må familien ha kome til Vesterålen mellom våren 1848 og hausten 1850. Konfirmasjonsopplysningane til **Lars** syner at han bur på «Gjeldsand»(Hjelsand).



Nils^{A2} **Tølleivson** fekk ikkje mange leveår oppe i Øksnes – Kyrkjeboka fortel at han omkom 6. februar 1852^[#2] – «Druknet, ikkje gjendunden» ! (Det er få februarstormar i Svenskefjorden, heller ikkje lett å ro der i vinterhalvåret – kanskje råd å pilke...)

«Inderst og Ungkarl» **Tollef**^{A21} **Nielsen** giftar seg i Øksnes kyrkje 10. desember 1858^[#7]. Her er notert at han er fødd på «Romsei i Vestre Slidre Præstegjeld og opholder sig paa Gjeldsand». Brura er, liksom brudgommen, fødd utanbygds. Ho heiter **Anna Bergitte** Pedersdtr og vart fødd 12. januar 1834 på Løvstrand i Bjørnør Prgj. i Trøndelag. Ho vart døypt 26. januar s.å.^[#10] og er nemnd mellom «Stoksunds Piger» då ho vert konfirmert i Roan sokn 10. september 1848^[#8]. Ho er dotter til «Gaardmand» Peder Nilsson Løvstrand og Anne Halvorsdtr.

Sonen **Nils Peder**^{A211} **Cornelius Strand** vert f på Hjelsand 3. januar 1859, dpt 26. juni s.å.^[#17] og konfirmert i Øksnes 18. juni 1876 ^[#8]. Ein ny gut, **Alsing**^{A212} kjem til verda 28. juli 1865, dpt 13. august s.å.^[#49], konf 2. juni 1881^[#17]. Så kjem dottera **Anna Caroline**^{A213} f på Hjelsand 26. desember 1867, dpt 12. januar 1868^[#4], og til sist **Elida Marie**^{A214}, f Hjelsand 10. mars 1867, dpt 5. juni 1867^[#24]. – Vi finn familien på Hjelsand (mellomjorden og ytterjorden) ved FT1865. Hjelsand lno. 66 & 68b er registreringsstad ved FT1875.

Då sonen **Alsing**^{A212} vart konfirmert, fann ein i merknaden om faren: «*fisker, der nu er reist til Amerika*». Emigrantlistene hjå DA fortel at **Tølleiv**^{A21} **Nilsson**, sonen **Nils Peder**^{A211} og dottera **Anna Caroline**^{A213} reiser med skipet «Pacific» frå Trondheim 30. mai 1881. Reisemål er Tracy, MN. To år etter, 24. april 1883, dreg **Anna Bergitte**, saman med soen **Alsing**^{A212} og dottera **Elida Marie**^{A214} frå Trondheim og har Eau Claire, Wisconsin som reisemål. Alle tre har i April 1883^[#2] fått utflyttingsattester frå Øksnes.

Ola^{A22} **Nilsson**, fødd i «Slidre prgd», vert gift i Øksnes 3. juledag 1865^[#11] med **Elen Hanna Maria Eriksdtr**. Jenta er fødd på Tunstad 5. februar 1842, døypt 16. mai s.å.^[#5] og konfirmert 19. juni 1859^[#15]. Foreldra heiter **Erik Martinus Andreasson** og **Hendrike Kirstine Hansdtr**. FT1865 syner at ektefolka **Elen** og **Ola**^{A22} bur på «Hjelsand indrejorden» i Nordbygden tekjekrins i Øksnes. Det synest som om bådee *mor til Ola* og *mor til Elen* bur same stad – så dette er nok eit retteleg «Svigermorhus» – kor stor faren er for ein 'indre krig' fortel teljinga ingenting om!

Så kjem to born – så sviger mødrene får litt å stå i med ... - Fyrst ute er **Nils Elias**^{A221}, f 27. mars 1866, dpt 24. juni s.å.^[#27] – og deretter **Else Johanne**^{A222} f 2. oktober, dpt 3. november s.å.^[#41]. 7. april 1868^[#1-5] vert det frå Øksnes prgj. utferda utflyttingsattest for 5 personar med «Amerika» som reisemål. **Ola**^{A22} **Nilsson**, kona **Elen Hanna**, son **Nils Elias**^{A221}, dotter **Else Johanne**^{A222} samt mor til **Ola**, **Sæbjørg**^{AX1} **Larsdtr** set no kursen mot Trondheim. 11. mai 1868^[#1928-1932] er dei registrerte som passasjerar på barken Neptunus – med kurs for Qvebæk(Quebec) i Canada. I den «nye» DA-databasen finn de desse folka med #45182, -83, -84, -85 og -86. Korleis 'Trondhjæmmearin hi greidd å forvainl' **Larsdtr** til **Lund** skulle vore moro å vita....

«Ungkarl» **Nils**^{A23} **Nilsson**, f «Bø i Slidre prg» er brudgom i Øksnes 4. juledag 1863^[#15]. Jenta han fridde til, **Kristine Laura**(Larina) **Johannesdtr** har budd nokre år i Øksnes, men kom til verda 11 april 1834 og vart døypt 11. september s.å.^[#23] i Hammerfest i Finnmark. Då ho vert konfirmert i Øksnes 30. juli 1854^[#25] er ho nemnd Ramsvig. Foreldra hennar er «Smed Johannes Lindberg og Maren Torjusdtr». DA sitt brukarforum har i emne 186390 synt at **Kristine** var av «farande folk».

Kristine og **Nils**^{A23} vert foreldre til **Sebina Petrine**^{A231} f på Hjelsand 25. januar 1864, dpt 17. april s.å.^[#6], **Leonard Theodor**^{A232} f 12. mai-, dpt Øksnes 23. juni 1867^[#27] og **Arentine Vilhelmine**^{A233} f Kylsundet 14. september-, dpt Øksnes 12. november 1871^[#57]. – Familien er ved FT1865 registrert i Kylsundet, ti år seinare, i FT1875, på Hjelsand lno. 66 & 68b. – Etter denne teljinga har eg atter «*gjett bort både lam og får*». Kone og born har eg ikkje greidd å finne – men mykje tyder på at **Nils**^{A23} **Nilsson** døyr av «Slagtilfelde» på Ulvangen i Alstahaug prgj. 23. august 1869^[#23]. Her er vi vel i same område som «*Hvem tror du at du er*» var innom i program 3 i 2014. Det er notert i Mini-sterialboka at **Nils** er «*ugift inderst – f ca 1840 i Valders*». Han er skriven som **Nils Bø Nilsen**, kanskje i misstyding av Røn og Bø som vi såg i Øksnes. – Sikkert er det at mannen vart gravlagd ved Sand-nessjøen kyrkje 30. august-og jordfesta 8. september 1889.



Nyksund, Øksnes juni 1974

Vi skiftar over til dei «nordgåande» syskena frå Viste – samt litt kriminalhistorie.

Jens Olsson «Widste Eje» og kona *Gro Olsdtr* døyper sonen **Ola Jensson** i Slidredomen [12. februar 1804](#)^[H side, 9. nedanfrå]. Faddrane kjem frå [Viste](#), [Jome](#), [Landsrud](#) og [Ølkji](#). Guten vert konfirmert i Lomé stavkyrkje [1. august 1819](#)^[#4]. *Jens (Olsen Tilden)* og *Gro(Olsdtr Snortum)* vart trulova i Slidredomen 14. februar 1800 og gifta seg [28. april same år](#)^[V side, 9. ovanfrå]. Dei er ved [FT1801\[#049&050\]](#) registrert som husmannsfolk under Viste. Det er òg ein «*Ung karl Jens Olsen Wiste*» som [15. juni 1800](#) vert skriven som far til «*Pigen Mari Syver Fudskes*» jentebarn [Sebor](#). Men utan DNAprov kan ein vel ikkje skulde Jens Olsson for å «gardera seg» mot barnløyse

Gro Olsdtr og *Jens Olsson* får eit nytt barn 28. august 1809. Den vesje jenta får i Røn kyrkje [3. september 1809](#)^[H side, 6.nedanfrå] namnet **Berte**. Faddrane kjem no frå [Røn](#), [Tuv](#) og [Fauske](#). **Bert(h)e Jensdtr** Widste vert konfirmert av «*sognePræst Christie*» i Slidredomen [8. august 1824](#)^[#12].

«*Ungkarl og Artillerist No 56, Ole Jensen, af 2den Artillerie Bataillons første...Batterie, og pigen Ragnhild Christiansdatter*» går inn i ekteskap i [Oslo Domkyrkje 7. november 1927](#)^[#96]. «*Han er født i Slidre Præstegjæld, nuu garnisonen var her i Staden. Hun er født i same Præstegjæld*». Brudgommen har oppgjeven alder 23 år, brura 25 år. Fedrene til brureparet er skrive *Jens Olsen Widste* og *Christian Christensen*. Forlovarane er «*F S Schønnemann, fouerer og Hans Poulsen, Overconstabel, begge ved samme Bataillon og Batterie son Brudgommen*». **Ragnhild** er nok dotter til [Kristian Kristianson og Kari Larsdotter](#). Ho er fødd på Tuveige og døypt i [Rogne kyrkje 13. mai 1802](#) ^[Hside, 9. ovanfrå]. Ho vart konfirmert i Rogne kyrkje [3. august 1817](#)^[#11].

Innan dei vart gifte hadde fyrste barnar deira sett dagsens lys. Ministerialboka for [Rikshospitalet](#) syner at sonen **Jens** vart f 12. mars-, dpt [19. mars 1827](#)^[#15]. Faddrar er «*Marith Olufsdatter, Henrich Nørbech og Barnefaderen Ole Jensen*». **Christian** vert f 19. april-, dpt i Aker [8. juni 1829](#) ^[#115] og **Karen Gurine** vert f på Åseneige i Aker 14. april- dpt i Aker [22. juni 1834](#)^[#110].

I eit [innlegg\(#3\)](#) på DA sitt brukarforum fortel [Ellinor Elise Simensen](#) at **Ragnhild** og **Ola** vart dømde til [tukthusopphald](#) i 1836. Eg har heller ikkje funne meir om sønene deira.

Straffa **Ragnhild** og **Ola** fekk hadde si årsak i at dei hadde gjeve «husrom» til stortjuven [Ole Høiland](#). Ein [Wikipedia-artikkel](#) fortel at **Ola Jensson**, som då var ‘Gevaldiger’ på Akershus festning, hadde [eskortert](#) Ole Høiland til Kristiania etter at han var arrestert på Nesodden i 1831. Då Ole Høiland i 1835 greidde å røme frå festningen, fekk han ‘losjere’ hjå Vistefolka («*under Gulvet i Kjøkkenet, hvor han udgrov et Hul ved Siden af Grundmuren*»). **Ola Jensson** hadde slutta ved festningen, og familien held no til på Åseneige i Aker. Frå dette losjiet planla og gjennomførde Ole Høiland tjuveriet i [Norges Bank](#) i julehelga 1835 – der han kom seg unna med 64 100 speciedalar, det største tjuveriutbyttet i Noreg innan [NOKASranet](#). **Ola Jensson** hadde fått noko av dei stolne pengane – og som kjent er «*helaren ikkje betre enn stelaren*». Ved dom [13. april 1836](#) fekk **Ola Jensson** to års tukthusarbeid medan domen for **Ragnhild Kristiansdtr** vart eitt års tukthusarbeid. [[Boka «Ole Høiland i frihed og i fængsel»](#)]

Mykje tyder på at **Berte Jensdtr** hadde vore i «[nærkontakt av tredje grad](#)» med [Ola Bendikson Kyrkjevoll](#). Han er nemnd som far då den «uægte» jenta **Kjersti** vert døypt, [10. juli 1842](#)^[#57]. **Kjersti** var fødd 12. juni s.å. - [11. mai 1850](#)^[#130&131] får **Berte** og **Kjersti** utflyttingsattester med reisemål «[Hadsel Præstegjæld](#) i Nordland». Her er fødselsdag og -år til Berte langt unna sanninga, medan dottera sine data er eksakte. At [mor](#) og dotter tek i nordleg lei – og kjem til Vesterålen (men ikkje registrert i Hadsel) - vert stadfesta av ei utflyttingsattest, frå Øksnes, datert [1. juli 1852](#)^[#1&2]. Her får **Ole Jensen Vidste** og **Birthe Jensd Vidste** utferda attester for å flytte til «*Slidre i Valdres*». – Det synest som om syskena har møtt kvarandre her oppe under midnattsola. –vesle **Kjersti Olsdotter** er det inga spor etter i kyrkjebøkene i Øksnes, så langt eg har sett.

Men **Berte** har nok i Øksnes hatt eit meir romantisk møte med ein kar. Kyrkjeboka syner at guten **Jens Christian**, f 28. juni 1851, vert døypt i Øksnes [2. mai 1852](#)^[#1]. Foreldre er «*Ungkarl Christian*

Olsen og pige Berthe Jensd Steenland». Ved [FT1865](#) er mor og son registrert på Marken, lno 184 i Vestre Slidre. **Ola Jensson** såg vel til at veslesystera og sonen hennar kom seg trygt attende til Røn - for så å ta vegen nordover att. – **Jens Christian** vert konfirmert i Vestre Slidre prgj. [16. juli 1866](#)^[#33].

Ola Jensson har atter sett kurset nordover frå Slidre. I Øksnes syner han [16. juni 1855](#)^[#14] fram innflyttingsattest skriven av «*prost Harbitz*» i Slidre. Samstundes har **Ingeborg Viklund** frå Leth sokn i Jämtland i Sverige synt attest utderda av «*prost Hedin*». Dei skal «*bosette i Aasen i Øxnæs*». Nokre månader etter, [20. oktober 1855](#)^[#9] går **Ingeborg** og **Ola** inn i ekteskap. Kor lenge dei vert buande i Øksnes kjenner eg ikkje til, men ved [FT1865](#) er paret registrert i Kabelvåg, Vågan prgj. i Lofoten. Ole er då nemnd «*gift, Strandsitter og Uhrmager*». Så [gjer dei svenskar av seg](#) – i direkte tyding! I [1874](#)^[#1] får «*Forhenværende Gevaldiger Ole Viste og kone*» utflyttingsattest «*til Sverige hvorfra de i i siin tid være komne*».

Kvinnenamnet Sæbjørg/Sebjørg/Seborg/Sebor/Sibor...

Dette kvinnenamnet lét ikkje så uvant i mine øyro – eg har høyr at jordmora som hjelpte meg inn i verda hadde dette førenamnet. – I stubben om Rønsfolka i Øksnes støyter vi fleire gonger på kvinner som heiter Sæbjørg. - Difor sette eg opp ein tabell over dei som er registrert med ei eller annan skriven form av dette namnet. Resultatet var meir uventa enn eg hadde trudd!

Folketeljingsår

Tal kvinner med skrivevariantar av førenamnet Sebjørg

1801		1865		1910		
27		27		9		Valdres
	1					Vang i V
	20		25		9	Slidre
	6		2			Aurdal
		3		6		Hallingdal
1		2				Bergen
5		5		7		Nordfjord
9		4		1		Helgeland
4						N Nordland
5		7		3		Andre
51		48		26		

Prosentfordeling ut frå førre tabell

1801		1865		1910		
52,9		56,3		34,6		Valdres
	3,7					Vang i V
	74,1		92,6		100,0	Slidre
	22,2		7,4			Aurdal
		6,3		23,1		Hallingdal
2,0		4,2				Bergen
9,8		10,4		26,9		Nordfjord
17,6		8,3		3,8		Helgeland
7,8						N Nordland
9,8		14,6		11,5		Andre
100	100	100	100	100	100	

Sibor Nielsdotter	1778*	Slidre: Widste	Sibor Olsdatter	1800*	Slidre: Dahle
Sibor Michelsdotter	1793*	Slidre: Færden	Sibor Olsdatter	1730*	Slidre: Dahle
Sibor Knudsdotter	1788*	Slidre: Haavie	Sebor Jørgensdatter	1772*	Ourdahl: Bøen
Sibor Gullichsdotter	1776*	Slidre: Jørstad Søndre	Sebor Helgesdatter	1767*	Ourdahl: Kiørnes
Sibor Tostensdatter	1752*	Slidre: Jørstad Søndre	Seborg Reiersdatter	1751*	Ourdahl: Sundem
Sibor Knudsdotter	1798*	Slidre: Waarum	Seborg Ingebretsdatter	1753*	Ourdahl: Bosum
Sibor Tostensdatter	1765*	Slidre: Alvstad	Seborg Thoresdatter	1757*	Ourdahl: Klevgaard
Sibor Arnesdatter	1751*	Slidre: Bejtøe	Sebor Thoresdatter	1776*	Ourdahl: Faaer
Sibor Nielsdatter	1786*	Slidre: Oxhovd	Sebor Nilsdatter	1772*	Slidre: Rejen
Sibor Nielsdatter	1796*	Slidre: Hedalen	Sebor Engebretsdatter	1776*	Slidre: Wiig
Sibor Olsdatter	1788*	Slidre: Hedalen	Sebor Engebretsdatter	1797*	Slidre: Ridste
Sibor Erichsdatter	1794*	Slidre: Morstad	Sebor Jørgensdatter	1799*	Slidre: Ridste
Sibor Svendsdatter	1788*	Slidre: Dahle	Sebor Østensdatter	1726*	Slidre: Ridste

Far og dotter frå Slidre til Andøya

.... samt ei interessant forgreining

I [Kvålsgrenda](#) i Vestre Slidre kjem ein liten gut til verda 26. september 1817. Guten vert [døyp](#) 5. oktober s.å. [\[#50\]](#) og får namnet **Tolleiv** (*Tølleiv*). Foreldra er «huusfolk» *Ola Tølleivson* Kvåle (Qvale) og *Anne Eivindsdotter*. Alle fadderane kjem frå Kvålsgrenda. Kyrkjeboka fortel at «pigen *Anne Evensd Helle* frå Wang, 26 Aar, gmddd» og «Ungkarl *Ole Tollevsen* Dahle, 40 Aar, huusmnd» gifta seg [7. desember 1817](#) [\[#3\]](#). Vi finn *Anne* og foreldra hennar på «[Helle](#) nedre» ved [FT1801](#). Ho er nemnd på [side 375](#) i band C av «Gardar og slekter i Vang». *Ola* er truleg karen som ved [FT1801](#) er «Tienestefolk» på [Røyne](#) i «Hegge Annex». Han er skriven «[Biellbøle](#)» ved konfirmasjonen «*residerende Capellan Fietzentz*» ([sjå side 33](#)) held i [Lomé stavkyrkje 24. juni 1798](#) [\[#12\]](#).

[25. november 1821](#) [\[#81\]](#) fekk ei lita jente namnet **Ingeborg** (Ingebjørg). Ho var fødd 6. november og foreldra er nemnde «*Knud Christensen* Hovie og *Ingeborg Olsd*: h:f:». Fadderane kjem frå «[Boldstad](#), [Koldstad](#) og [Hovie](#)». *Knut Kristenson* vart både døyp og konfirmert i Rogne kyrkje. Døyp [13. april 1788](#) [\[Hside, nest nedst\]](#) og konfirmert [30. juni 1805](#) [\[Vside, #13\]](#). Ved [FT1801](#) finn vi *Knut* saman med foreldre og tre småbrør på ein husmannsplass under «*Haavie, Rogne Annex*» i Slidre prestegjeld. Han dør [30. november 1857](#) [\[#32\]](#) og er då nemnd «føderaadm», 70 år gamal. *Ingebjørg Olsdtr* og *Knut Kristenson* gifta seg [nyårsdagen 1815](#) [\[#1\]](#).

Ingebjørg Knutsdtr vert konfirmert i [Hegge kyrkje 24. juli 1836](#) [\[#43\]](#). Ho har nok hatt nær kjennskap med **Tølleiv Olson**. [16. mai 1847](#) [\[#31\]](#) vert den ‘uægte’ dottera **Anne** døyp – og «*ungk Tolleiv Olsen Qvale*» er skriven som far. «Opgave er angivet af *Ole Eriks Hovi*». Kyrkjeboka seier at **Anne Tølleivsdotter** var fødd 8. mai 1847- og alle fadderane høyrer til på Høve. **Anne** vert konfirmert av [sokneprest Strøm](#) i Rogne kyrkje «6. søndag efter Paaske» - [1. juni 1862](#) [\[#28\]](#). Ho er då skriven **Anne Tollefsdtr** Rogne. Det syner seg at **Anne** vart morlaus som småjente – berre knappe tre år gamal. **Ingebjørg Knutsdtr** døyde [4. mars 1850](#) [\[#8\]](#) og vart jordfesta 24. mars s.å. Ho er då skriven «*hmdatter, 29 Aar*». Truleg har **Anne Tølleivsdtr** budd på ein Rognegard då ho vart konfirmert.

Den [15. juli 1864](#) [\[#24\]](#) får **Anne Tølleivsdtr** Rogne utflyttingsattest frå Øystre Slidre. Reisemål er [Dverberg](#). Eg vil tru at faren, *Tølleiv Olson*, har gjeve melding sørover til Valdres om at han no er klar til å ta ansvar som far! - Dei er inga innflyttingsmelding å finne, korkje for far eller dotter, i kyrkjebøkene for Dverberg prgj. Men vi kan vera sikre på at **Tølleiv Olson** var komen til Andøya i 1856 eller før. Han (ungkar) giftar seg [2. oktober 1856](#) [\[#4\]](#) med (pige) **Martha Nilsdtr** frå ‘[Selland i Voss prestegjeld](#)’. Ved [FT1865](#) er **Anna**, **Marta** og **Tølleiv** registrert busette på husmannsplassen Klædehaugen i Dverberg teljkrins. **Martha Nilsdtr** var fødd 20. januar 1817 på Selland og døyp i [Opheim kyrkje 1. februar s.å.](#) [\[Vside, nedst\]](#). Foreldra var *Nils Olson* og *Anne Brynjelsdtr*. Fadderane kom frå [Skjervheim](#), Giljarhus, Grindeland, Fenne og Sælland. Ho var konfirmert [27. mai 1833](#) [\[#26\]](#) i [Vinje kyrkje](#), då skriven Øfsthuis. **Martha** hadde ei eldre syster med same namn som døyde [28. februar 1816](#), berre 16 vekar gamal

Då teljaren kjem innom for å registrere husstanden i [1875](#), kallar han plassnamnet Klæhaug – med løpenr 100. Han har nok ikkje høyr skilnad på Valdresmål og Vossamål, han har notert at **Marta Nilsdotter** er frå Slidre. No har **Anna**, **Marta** og **Tølleiv** også ein ‘pleiesøn’ i huset, *Olaf Jensen* f 1864. Dei har òg ein ‘Logerende’, fiskar *Anders Enersen* f 1828 i Mo (Rana).

Martha Nilsdtr dør [30. april 1876](#) [\[#3\]](#) og vert lagt til kvile ved Dverberg kyrkje 5. mai s.å. Den [18. april 1878](#) [\[#2\]](#) tek òg **Tølleiv Olson** farvel med livet. Gravferda hans er 26. april s.å.

Anne Tølleivsdtr vert ikkje ‘åleine’ så lenge. [18. oktober 1878](#) [\[#6\]](#) giftar ho seg i [Dverberg krk](#) med ungar, ‘gaardbruger’ **Hans Peter Anton Andreasson** frå [Saura](#). Han var son til gbr. *Andreas Martines Olsen Saura* og kona *Riborg Marie Rasmusdtr* – og var f 1. juli- og [dpt 1. august 1852](#) [\[#16\]](#). Han vart konfirmert [14. oktober 1866](#) [\[#9\]](#). Brura er fødd i «*Østre Slidre*» og far til brura er i kyrkjeboka for vigsla skriven *Tollef Olsen Kvale* – så her er ingen tvil!

Hans Peter og **Anne** får borna **Albertine Theodora** f 10. august-, [dpt 19. oktober 1879](#) [\[#23\]](#), [konfirmert 9. juni 1895](#) [\[#8\]](#). **Helmer August** f 25. mars-, [dpt 27. juni 1866](#) [\[#5\]](#), [konfirmert 9. juni 1901](#) [\[#6\]](#). **Riborg Marie** g 3. februar-, [dpt 24. juni 1888](#) [\[#1\]](#), [konfirmert 14. juli 1903](#) [\[#6\]](#) og til sist **Jentoft Richard** f 2. juli-, [dpt 1. oktober 1892](#) [\[#15\]](#). Alle borna er notert fødde på Saura.

Ved teljinga i 1891 er familien registrert på [løpenr. 95C](#) i Bredvik/Sellevold teljkrins i Dverberg prgj. Huslista har [nummer 34](#). Personskjema for familien: [Hans Peter Anton](#), [Anna](#), [Albertine Theodora](#), [Helmer August](#) og [Riborg Marie](#). I hushalder er og tenaren [Olga Magdalene Jacobsen](#) f 1873.

[1900-teljinga](#) for gnr. 28/5 Saura i Dverberg herad syner berre **Hans Peter, Anne** og borna **Helmer August** og **Riborg Marie** i husstanden. Mykje tyder på at **Albertine** (Vollan) er [registrert som tenestjente](#) hjå 'værftstømmermann Amundsen og familien hans i Vestregate i Tromsø. Minsteguten, **Jentoft Rikard**, har eg [ikkje](#) greidd å finne noko om.

Albertine Theodora finn vi att som brur [25. mars 1907\[#1\]](#) i Torsnes i Østfold Ho er då [meierske](#) på [Veel](#). Brudgom er gardbrukarson, jordarb. **Hjalmar Ludvig Jensen**. I [FT1910](#) er dei registrert busette på [Roppestad](#). Dei har då tvillingdøtrene **Svanhild Ingegerd** og **Halfrid Asbjørg**. Jentene er fødte på [Refshal](#) 17. august- og døypte i [Torsnes kyrkje 6. oktober 1907\[# 9 og 10\]](#). **Øyvind Ludvig** vert f 29. september- og dpt i Torsnes [19. november 1911\[#20\]](#). – DIS-gravminner fortel at **Albertine** dør [17. februar 1948](#), **Hjalmar Ludvig** dør [24. mai 1958](#), **Svanhild Ingegerd** dør [12. desember 1943](#), **Halfrid Asbjørg** [19. april 1993](#) og **Øyvind Ludvig** [4. oktober 1960](#). Alle er gravlagde ved Torsnes kyrkje.

Helmer August giftar seg i Dverberg [7. juni 1910\[#3\]](#) med **Hilma Eline Myre**. Ho var fødd 15. februar-, dpt i Dverberg [9. august 1891\[#8\]](#) og konfirmert [27. mai 1906\[#3\]](#). Foreldra hennar er gbr **Hans Olai Olsen** (fødd i Steigen 1846) og **Else Kristine Kristensdtr** (f Dverberg 1859). Personsedlane deira ved FT1891 er å finne på [hsl62-1](#) og [hsl62-2](#). **Hilma Eline** er i [FT1900](#) registrert på Myre gnr 26/5 i Dverberg herad saman med foreldra, ei eldre syster og 3 yngre brør. [Ti år seinare](#) bur **Helmer August** og **Hilma Eline** på *Vollan søndre*, gnr 28/5 i Dverberg [\[#004&005\]](#). Dei har no sonen **Egil** f 9. mai-, dpt [31. juli 1910\[#5\]](#), død [28. mai 1924\[#3\]](#). Sonen **Arne Herolf** vert f 15. mars-, dpt [23. juni 1912\[#3\]](#) og [konf. 26. mai 1926\[#5\]](#) – til sist kjem **Harald** f 30. juni-, dpt [31. august 1913\[#16\]](#), [konf 20. mai 1928\[#7\]](#). [Matrikelutkastet 1950](#) syner **Helmer Vollan** som eigar av [gnr 28/5 i Dverberg](#).

DIS-gravminner syner at **Helmer August** døydde [8. august 1969](#) og er gravlagd på Dverberg kyrkjegard, gamle del. Her kviler òg kona hans, **Hilma Eline**. Ho døydde [1. mai 1977](#).

Same database fortel at sonen **Arne Herolf Vollan** døydde [22. januar 2004](#) og kviler på Dverberg nye kyrkjegard. Under same gravstein finn vi òg **Gudrun Theomine Tollefsdtr** f Tofta, Trondenes 12. juni- dpt [18. september 1910\[#95\]](#) i [Trondenes kyrkje](#), konfirmert Trondenes [28. juni 1925\[#29\]](#). Ho er dotter til handelsmann/gardbr. **Tollef Olsen** og **Gerhardine Emilie Eriksen**. Ved [FT1910](#) ho registrert på Toften, Bergseng [gnr. 61/1 i Trondenes](#). **Gudrun** døydde [18. mai 1998](#).

Harald Vollan kviler òg på Dverberg nye kyrkjegard. Han døydde 7. april- og vart gravlagd [13. april 1985](#). Han kviler ved sida av **Ruth Vollan** f 1920, død [12. april 1989](#).

Riborg Marie er ved [FT1910](#) notert busett saman med foreldra på Vollan søndre gnr 28/5 i Dverberg. Ho vert gift i [Ibestad kyrkje 29. august 1915\[#12\]](#) med **Henning Martin Olsen** f 20. juni-, dpt i Ibestad [5. september 1886\[#67\]](#) og konfirmert [29. september 1901\[#41\]](#). Ved [FT1900](#) er han notert saman med faren, fiskar, enkjemann **Ole Petter Olsen** og på [Forsaa](#) indre, gnr 82/1 i Ibestad. Mor til **Henning Martin** heitte **Oline Marie Olsdtr**. Ho døydde på Forså [21. januar 1893\[#5\]](#). I [FT1910](#) finn vi Henning på [Laupestad](#) under grn 106/6 i Ibestad. Han «*driver fiskeri for egen regning*».

Henning Martin dør [20. februar 1964](#) og **Riborg Marie** [16. april 1980](#). Båe har siste kvilestad på [Fredly gravplass](#) i Harstad.

Ein [profil på GENI](#) har med denne familien, også Anne Tølleivsvtr, men fylgjer andre greiner lengre attover. Det ser ut til å vera lagt ned mykje godt arbeid i å finne data – og eg har hatt nytte av denne sida i arbeidet med etterslekta til Anne.

«Forgreininga» eg nemner i undertittelen er denne: Ein av etterkomarane til **Anne Tølleivsdotter** har same postadresse som ei kvinne som også har forfedre frå Valdres. – Det interessante er st dei båe er skylde nokre av mine nære slektningar – på kvar si slektsgrein. – Dette er det fyrste tilfellet eg hittil har treft på av dette slaget !



På ein av eigedomane eg i si tid hadde 'oppsyn' med, hadde [UiT](#) forsøksfelt for dyrking av «moltebær». I [Hålogaland var molta, også i utmarka, grunneigar sin eigedom!](#)

Ein haustkveld fekk eg ein telefonsamtale: «*No står det så mykje fin moltebær på ...feltet*».- Jasså ja, karen ville nok ha meg med som «inngangsbillett» for å få samla nokre kilo av den gulmodne delikatessa. – Eg ba om orsaking for at eg diverre ikkje hadde høve til å koma!

Rett før eg reiste sørover før jul, banka det på kontordøra. Inn kom mannen med eit stort glas moltesyltetøy. «Du kom ikkje, men eg plukka likevel», sa han.

Då skjønnte eg kvifor Kjell Aukrust la desse orda i munnen på hobbyjurist Sindre Pilten: «*Detsom det forefinnes Multer og Laks i Himmelen, da foretrekker jeg Helvete!*»

Jæktskipper i «den gamle stad»

Det er [17. august 1845](#)^[#7] og staden er [Bakke kyrkje i Trondheim](#). Her vert ungkaren **Ola Ivarson**, 30 år gamal - frå Vangs prgj. i Valdres vigd til *pigen Margrethe Johanna Andersdtr*, fødd i Bodø og jamgamal med brudgommen. – Diverre er blekket på kyrkjeboksida noko avfarga. Det er difor ikkje lett å skjønne kva slag yrkesnemning Ola har fått i innførsla, men «*søfarende*» kan det vera ...

Ola Ivarson var dpt i [Øye kyrkje 28. juni 1815](#)^[#2]. Faddrar kom frå [Tasa](#), [Sørbu](#) og [Opdal](#). Foreldre er skrivne «*Iver Nielsen og Elisabeth Olsdr Huusmandsfolk under gaarden Opdahl i Øye Annex*». Faren, **Ivar Nilsson** var dpt i [Øye 30. desember 1781](#)^[Vside,5.ovanfrå] og døydd i [Bø i Øye](#) sokn [9. april 1851](#)^[#160]. Ved [FT1801](#) er han registrert saman med mora og tre sysken på [Opdal](#), Wangs prgj. **Elisabet Olsdtr** var dpt [10. oktober 1779](#)^[Hside,øvt] og døydd på Opdalseige [5. juli 1862](#)^[#14]. Ho er ved [FT1801](#) tenestjente på [Hermundstad](#). **Elisabet** og **Ivar** tok steget inn i ekteskapet [9. november 1806](#)^[Hside, nest nedst]. Familien er nemnde på side 62 i «Gardar og slekter i Vang» band A. **Ola Ivarson** sto til konfirmasjon i Vang kyrkje [13. september 1829](#)^[#9].

Margrethe Johanna var døypt i Bodø prgj. 7. Søndag e Trefoldighed, [9. juli 1815](#) ^[Vside, 2.nedanfrå]. Foreldre er nemnde *Anders Larsen Thuv* og *Elen Larsdtr Ornæs*. Eg har ikkje funne noko melding om utflytting. – Dersom de ser på *neste dåpsbarn* i Bodø finn de ei formulering eg ikkje tidlegare har kome over: «*Døbt et B som er aflet i Løsaktighed*» ... ([O temproa O mores](#))

Margrethe Johanna var og **Ola Ivarson** har truleg flytta litt rundt i «den gamle stad». Då dottera **Julianna**, f 27. november 1845, vert døypt i Bakke krk. [1. mars 1846](#)^[#20] er faren nemnd «*Inderst Ole Iversen på Elsæther*» ([Elgeseter?](#)). [Munkegaden](#) er adresse då **Elisa Berntina** vert døypt, i [Nidarosdomen](#), [1. januar 1849](#)^[#1]. Ho var fødd 12. oktober 1848. Her er faren nemnd «*Jægtfører*». Veslebroren, **Broder Nelius** vert f 21. mai 1851. Då er adressa [Østre gade](#) ([Bispegata](#)). Han vert døypt i Nidarosdomen [27. juli 1851](#)^[#106]. Ved dette høvet er faren skriven «*Jæktskipper*».

Ved [FT1865](#) har familien flytta til [Gildeskål](#) i Salten. Dei bur då i [Ursvig](#) i Vikerne teljkrins, der **Ola Ivarson** er nemnd «*Husmand med jord*». Dei er i alle fall komne i 1862 - eller før. Eldste dottera **Julianna**, vert konfirmert i Gildeskål [13. juli 1862](#)^[#8]. **Elisa Berntine** finn vi konfirmert [3. juli 1864](#)^[#3] og **Broder Nelius** er konfirmant [7. juli 1867](#)^[#17]. Dei er i Ursvig også ved [teljinga 1875](#).

Julianna giftar seg i [Ålesund 14. april 1868](#)^[#9] med *sergeant Peter Olaus Hatlevik*, f i Skodje 2. juni-, dpt i Borgund prgj. [12. juni 1836](#)^[#47] og konfirmert i Skodje [13. oktober 1850](#)^[#1]. Han er son til *Sivert Tormundson* og *Karen Martinusdtr*. Han er busett i Hatlevik, lno 392 i Skodje ved [FT1865](#). **Juliana** og **Peter Olaus** får desse borna: **Karl Oluf Bendik** ^A f 20. september i Ålesund, dpt [8. januar 1871](#)^[#5]. **Martjæus** ^B f [Røttum i Gauldalen](#) 6. mai-, dpt Støren prgj. [11. juli 1875](#)^[#27]. **Peter Julius** ^C vert f 14. desember 1877 i [Ravik i Gildeskål](#), dpt [14. juli 1878](#)^[#27], konf [24. juni 1894](#)^[#13] medan minstejenta, **Marie Elise** ^D, vert f på [Rognan i Saltdal](#) 2. februar-, dpt [24. april 1881](#)^[#8]. Ved denne dåpen er faren nemnd *Veiofarsmand*. **Marie Elise** ^D vert konfirmert [21. juni 1896](#)^[#17].

Elisa Berntina gjer som storesyster, ho finn seg ein Sunnmøring. Han heiter **Knut Mathias Rasmusson** og er f 17. september på [Brekke i Ørsta](#), dpt [6. oktober 1850](#)^[#14] og konfirmert [22. oktober 1865](#)^[#12]. Ved [FT 1865](#) bur han saman med to sysken og foreldra, husmannsfolka *Rasmus Knutson* og *Else Mikkelsdtr*, på [Haamy](#) under lno 115 i Velle teljkrins, Ørsta sokn i Volda prgj. Ved [FT 1875](#) er han 'tilreisende. Snedker' hjå **Elisa** og familien hennar i Gildeskål. Her bur og morsystema til Elisa, Johanna Andersdtr. **Elisa Berntina** og **Knut Mathias** giftar seg i Bodø [24. august 1876](#)^[#34]. Knut Mathias er då skriven «*Snedkerekararbeider*». **Elisa Berntina** er nemnd enkje ved [FT1891](#), men eg har ikkje funne noko om når og kvar **Knut Mathias** døydd.

Kårmann **Ola Ivarson** dør på Ravik [15. november 1889](#)^[#25] og vert gravlagd i Gildeskål 29. november s.å. [FT1891](#) for Ravik, løprnr 148 i teljkrins 10 i Gildeskål ([Husliste](#)), syner at desse har tilhald her: **Broder Nelius Iversen** (hovedperson), mor hans, enkje **Margrethe [Martha] Iversen**, systema, enkje **Elise Berntine Iversen**, morsystema **Johanna Andersdtr** og tenestjenta **Pedrikke Pedersdtr**.

Ved [FT1900](#) finn vi bortimot dei same folka nemnde på Ravik under gnr 74/1 i Gildeskaal. Johanna Andersdtr døydd [29. januar 1897](#)^[#1]. Men no er **Karl Oluf Bendik** ^A, systersonen til **Elise** og **Broder Nelius** notert som mt (midlertidig busett).

Margrethe Johanna (skrivne *Martha* i KB) dør [15. februa 1903](#)^[#3] i Ravik. Ho vert jordfesta 15. mars same år. - **Elisa Berntina** dør [29. mai 1930](#)^[#13] og **Broder Nelius** dør [7. august 1930](#)^[#14]. Båe syskena er notert med bustad [Våg](#), og båe kviler på [Lekanger gravplass](#) i Gildeskål.



Etter å ha budd mange stader i Trøndelag og Nordland, kjøper **Peter Olaus Hatlevik** garden **Buviken**, gnr 67/1 i **Hemnes**. Skjøta er datert 23. juli og tinglyst [1. august 1892](#)^[Hside, nedst]. Dei har truleg kome til Hemnes nokre år tidlegare, eldste somn er konfirmert i Hemnes i 1886. I Buvik er familien registrert bade ved [FT1900](#) og [FT1910](#). Ved [FT1900](#) er dei tre sønene heime hjå foreldra og her er òg ei tenestjente, Hansine Pedersen frå Alstahaug. I 1910 er sønene **Karl Oluf** og **Peter Julius** samt dottera **Marie Elise** registrert i Buvik.

Peter Olaus Hatlevik dør [22. februar 1911](#)^[#6] og vert gravlagd 3. mars s.å. på **Hemnes kyrkjegard**. Her vert òg **Julianna** lagt til kvile, 4. mai 1928. Ho døydde [26. april s.å.](#)^[#12].

Karl Oluf Bendik^A vart konfirmert i **Hemnes kyrkje** [20. juni 1886](#)^[#7]. Han vert skriven «*Ungkarl og Veiarbeider*» då han vert «*Opgiven*» som far til guten **Julius Annanias** f 8. mai-, dpt i Hemnes [29. juni 1890](#)^[#30]. Sidan oppgåvegjevar er «*Barnefaderens Moder*» har vel Karl Oluf 'lagt korta på bordet' i heimen ... - Mor til **Julius Annanias** heiter Birgitta **Kristine Olsdtr** og er f på **Åenget** 19. juli- og dpt [22. august 1858](#)^[#89]. **Julius Annanias** vert konfirmert [24. juni 1906](#)^[#14]. Han er registrert på Åenget både ved [FT1900](#) og [FT1910](#). Han døydde [7. januar 1957](#).

Iverta Johanna Hansdtr vert f 2. februar- på **Dilkestad** og døypt i Hemnes [28. april 1877](#)^[#8]. Ved [FT1891](#) er ho registrert på Indre Rønningen lno.249a saman med foreldra, **Hans Olaus Hansen** og **Karen Andrea Andersdtr**, samt syskena Adolf Hetman og Hansine Othilie. **Iverta** vert konfirmert i Hemnes [26. juni 1892](#)^[#69]. Ved [FT1900](#) er ho registrert med *sivilstand* G(ift) på Rydningen under gnr 68/3 i Hemnes herad. Ho gifta seg med **Karl Oluf Bendik**^A i Hemnes [11. februar 1900](#)^[#1]. Innan dei gifta seg hadde dei fått dottera **Hilda Cornelia** f 23. august-, dpt Hemnes [7. november 1897](#)^[#49]. Etter giftarmålet vert dei foreldre til sønene **Sigurd Martin Norman** f Buvik 3. september-, dpt Hemnes [21. oktober 1900](#)^[#44], **Martsæus** f på Dilkestad 23. juni, dpt [11. september 1904](#)^[#46]. Dei tre borna bur saman med mor si på Rydningen under gnr. 68/3 i hemnes ved [FT1910](#).

DISgravminner fortel at **Karl Olaf Hatlevik** døydde [28. juli 1957](#), gravl. 1. august s.å. **Iverta Johanna** døydde [17. april 1961](#), gravl 22. april s.å. **Hilda** (Cornelia) **Nilsson** (f.23/8-1897) døydde [20. mai 1962](#), gravl 30. mai s.å.. **Martsæus** døydde [10. september 1984](#), gravl 18. september s.å. Dei kviler alle fire på Hemnes kyrkjegard.

Martjæus^B Hatlevik vert konfirmert i Mo i Rana [22. juni 1890](#)^[#21]. Han vert gift [3. august 1902](#)^[#9] med **Antonette Henriette Jensdtr** f på **Dilkestad** 19. september-, dpt [28. oktober 1877](#)^[#36] og konfirmert i Hemnes [25. juni 1893](#)^[#62]. Foreldra hennar var gbr. **Jens Benoni Nilsson** og **Anne Olava Henriksdtr**. **Martjæus** og **Antonette** vart foreldre til **Borghild** f 6. januar-, dpt [29. juni 1903](#) ^[#18]. Men vesle **Borghild** vart snøgt farlaus. Alt [15. august 1903](#)^[#24] råka «*ind. Jernbanearb.*» **Martsæus Petersen Hatlevig** ut for ei arbeidsulukke som tok livet hans. «*Dødsfaldet foregik i Mo på jernbanearbeide – Sloges ihjæl af en rambuk*» fortel kyrkjeboka. **Martsæus**^B vart gravlagd ved Hemnes kyrkje 24. august 1903. Jarnvegsbygginga var nok del av **Dunderland Iron Ore Company** si gruedrift i Rana. - **Borghild** finn vi ved [FT1910](#) busett på Hemnæsberget gnr 65/1 i Hemnes herad. Ho bur saman med mora **Antonette** og to halvsysre, **Henny**(f1906) og **Aasta**(f1908). **Antonette** gifta seg opp att med **Andreas Johansen** (Lervik) [8. oktober 1905](#)^[#16].

Peter Julius^C Hatlevik tok over Buvik gnr 67/1 med skjøte av 9. januar-, [tgl 12. januar 1929](#). Han døydde [11. september 1948](#). **Marie Elise**^D døydde [8. oktober 1961](#) og vart lagt til kvile på **Gruben øvre gravplass** 13. oktober s.å.

Om gardane i Hemnes kan de lesa meir på «[CAOLSSONS SLEKTSWIKI](#)»

«Ægteviet, efter mange aars konkubinat»

De blev kjente og flyttede sammen i 1875 under Ophold i Tønset i Østerdalen

Sitatet i tittelen er henta frå avsnittet «*Indflyttete (ogsaa Børn)*» i Ministerialbok 830A14 for Alstahaug prestegjeld. Vi finn innflytta i [året 1883](#)^[#8] Ungk. *Vejarbeider* **Haldor Olsen Klevgaard**, då busett i Sandnessjøen. Dei er notert at **Haldor** vart ægteviet i Alstahaug kirke med ^[#3] **Brit Olsd Brækken-Eie**. *De medbrakte hertil de i* ^[#4] – ^[#7] *anførte Børn*.

Han **Haldor** var son til Åbjøringen Ola Syverson og Ingebjørg Haldorsdtr frå Kleigard. Han var fødd 19/8-, dpt [Svenes krk.](#) med faddrar frå [Kleigard, Håe](#) og [Før 25/10-1850](#)^[#27], konf [1/7-1866](#)^[#11]. [FT1865](#) syner at Haldor budde i *Brategjære* (plass under Kleigard) saman med foreldra og dei yngre syskena [Marit\(1847\)](#), [Knut\(1845\)](#), [Jøren\(1853\)](#), [Siri\(1856\)](#), [Olia\(1857\)](#) og [Syver\(1931\)](#). Lat meg ta med at faren, [Ola Syverson](#), er nemnd i stubben «[Gardkjøpar ved Årsetfjorden](#)». I «*Gard og bygd i Nord-Aurdal*» band D er nemnt at **Haldor** var oppsynsmann ved [Visnes gruber](#)(Avaldsnes).

Ho **Brit Olsdtr** kom til verda 12/10- på [Brækken](#)eige i Sel (høyrdde då til [Vågå prgj.](#)) Ho vart døypt i [Sel kyrkje 2.juledag 1843](#)^[#56] og konfirmert [20/6-1858](#)^[#6]. Foreldra hennar var *Ungkarl Ole Olsen Skaaraaeie* og enkja [Imbjør Knutsdtr Brækken](#)eie.

Brit Olsd Bækken vart mor 2/1-1864. Jenta fekk i Sel krk. [17/4-1864](#)^[#22] namnet [Imbjør](#). (Les om namna [Imbjør/Embjør/Ingebjør\(g\)](#) i «*namneepistelen*» [Embjør og Ingebjør – nord i Gudbrandsdalen og i Valdres](#). Far til [Imbjør](#) vart opplyst å vera Ole Vaet frå Dovre. [FT1865](#) fortel at **Brit** og [Imbjør](#) då budde hjå mor til **Brit**, enkje Ingeborg Knudsdtr på [Skjeleie](#) i Sel. **Brit** fekk så sonen [Ole](#) f [Bækkeløkken](#) 27/4-, dpt Sel [1/7-1866](#)^[#37]. Faren vart skriven Ungkarl Ole Johannesen Bækkeløkken.

Austover var leia ho **Brit** tok frå Sel. Vi finn at ho vart mor for tredje gong, 13/5-1873. Jenta vart døypt i Tyllidal sokn i Tynset prgj. [5/7-1873](#)^[#37] og fekk namnet *Ingerid*. Far til jenta vart skriven *Ungk Johannes Olsen Lokken af Dovre*. Det vart vidare notert at dette var *hans 1^{ste}-og hendes 3^{die} Leiermaal*. Det er her i [Tynset prgj.](#) at **Brit** og **Haldor Olson** finn einannan – og startar eit langt samliv – både utanfor og i - ekteskap. [FT1875](#) syner at Haldor var ugift jarnvegsarbeidar med bustad Telneset, lno.167b i Tynset prgj.

Dei var komne til [Moum i Snåsa](#) då dei 7/6- vart foreldre til ein gut. Guten fekk i Snåsa kyrkje [27/8-1876](#)^[#17] namnet **Ole**. Faren, **Haldor**, var då vegarbeidar. Så lange eg har søkt, var dei ikkje komne til Snåsa ved FT1875. Snåsapresten har, ser det ut til, rekna med at dette paret frå Kristians Amt hadde kome inn i ekteskap i dei formene kyrkja ynskte – eller prøvde foreldra hans [Ole Haldorson](#) så godt dei kunne å «pynte» litt på sanninga.



Postkort: *Parti fra Snaasa*

Innan vi finn familien att – har dei nok eingong flytta på seg, no frå skogsbygdene nord i Trøndelag – til Helgelandskysten. Dei vart her foreldre til gut nummer to, fødd Sandnæs 22/4-, døypt i [Stamnes kyrkje \(Sandnessjøen\)](#) i Alstahaug prgj. [25/8-1878\[#36\]](#) der han fekk namnet **Jørgen Bang**. Det vart vidare notert at dette etter *Moderen* sine opplysningar var hennar tredje *Lejermaal* – ho fortalde og at det var faren sitt fyrste -. Men presten skjønnte truleg ikkje at ho «slo av» for ‘maktpersonar’.

Familien bur framleis i Sandnessjøen då dottera **Hanna Bernhof** kom til verda, 30/3-1881, dpt [27/1-1883\[#2\]](#). Sonen **Frithjof** vart f 12/8-, dpt Stamnes krk. [14/10-1883\[#30\]](#).

Det var sokneprest [Gustav Adolf Hartmann](#) i Alstahaug som fekk **Brit** og **Haldor** over frå konkubinatt til ekteskap. Han har òg skrive til presten i Snåsa og gjort han merksam på at eit av borna han har døypt, var feilaktig innført som fødd i ekteskap. Det er vidare notert i innflyttingsmeldinga til Alstahaug at **Brit** og **Haldor** *have flakket om paa forskjellige steder. Han paa Jernbane Arbeid.*



Så har familien nok eingong flytta på seg. Vi finn dei våren 1886 med bustad på [Brettesnes](#) på [Stormolla](#) i [Vågan](#) herad. Sonen **Frithjof** døydde av [nervefeber 20/4-1896\[#15\]](#), gravl Vågan 26/4 s.å. Dei misser og dottera **Hanna Bernhof**. Hø døydde på Brettesnes 3/9-1895, gravlagd ved Vågan krk. 13/9 s.å. Dødsårsaka var [tæring](#).



FT1891 syner at **Haldor** og familien då budde i [teljekrins4](#) i Vågan – [Husliste #55](#). Personskjema [f.o.m](#) – [t.o.m.](#) **Haldor** var då *Graastensmurer* og familien fødte *1 Ko.* – Ved [FT1900](#) vart **Haldor** skriven med same yrke, medan **Brit**(Beret) hadde ansvar for «*Husgjerningen*». Steddottera til **Haldor**, [Ingerid](#), her skriven [Inga](#), dreiv *Syforretning* og hadde ei udøypt dotter. Eg går ut frå at dette var **Hanna Fredrikke**, f på Brettesnes 13/7-1899, dpt Vågan [21/7-1901\[#47\]](#).

[Sponvik](#)-Haversand i Brettesneser teljekrins er bustad for **Brit** og **Haldor** ved [FT1910](#). Her får vi stadfesta at før nemnde **Hanna** er dotterdotter til **Brit**.

Murar **Haldor Olsen** døydde på Brettesnes [12/3-1911\[#8\]](#) , gravl 19/3 s.å. Eg har ikkje greidd å finne meir om **Brit Olsdtr**.

Grubearbeider **Ole Haldorson** gifta seg med kokke **Kristine Oline Theodora Hansdtr** [26/12-1899](#)^[#31]. Ho var dotter til **Marta Elisabet Olsdtr** og forpaktar **Hans Olsen** og fødd på **Hilling, Hamarøy** 14/1-, dpt [Hamarøy 26/5-1878](#)^[#5], konfirmert i **Steigen krk.** [15/7-1894](#)^[#17]. Ho fekk utflyttingsattest med reisemål **Skjerstad** i [1898](#)^[#17].

Ekteparet finn vi ved [FT1900](#) busett i Øvre **Giken** grube i Sulitjelma. **Ole** var då *maskinborer, grubearbeider*. Dei hadde då dottera **Harda Bergitte** ^A f Giken 12/2-, dpt [4/6-1900](#)^[#7], død [1/3-1902](#), gravl Sulitjelma gamle gravst., 9/3 s.å.

Kristine og **Ole Haldorson** vart òg foreldre til: **Olga Marie** ^B f 1/4-, dpt [8/9-1901](#)^[#21], konf [9/7-1916](#)^[#33]. **Harry Bjarne** ^C f 12/6-, dpt [12/10-1902](#)^[#29], konf [8/7-1917](#)^[#2]. Fjerde barnet, f 1/12-1903, dpt [12/6-1904](#)^[#11] arva namnet til den døde systera **Harda Birgitte** ^D, konf [30/6-1918](#)^[#9]. **Gudrun Ingeborg** ^E f 16/5-, dpt [18/6-1905](#)^[#15], konf [4/7-1920](#)^[#16]. Nestemann, **Olav Levin** ^F vart f 7/9-1906, dpt [24/11-1907](#)^[#35], konf [21/8-1921](#)^[#22]. **Sverre** ^G f 7/3-, dpt [7/4-1908](#)^[#4], død (årsak: *kolerine*) [14/4-1908](#)^[#4], gravl 20/4 s.å. (DISgravminner). **Henry** ^H f 1/10-, dpt [10/9-1911](#)^[#29]. **Wilhelm** ^I f 28/5-, dpt [25/10-1914](#)^[#49], konf [21/7-1929](#)^[#17]. (alle borna fødte i Giken)

Gikken, Sulitjelma, gnr 119/1 vart notert som bustadadresse for familien ved [FT1910](#). Hjø DISgravminner finn vi at **Kristine Hansdtr** døydde 14/9-1940, gravl 19/9 s.å. medan **Ole Haldorson** døydde [9/7-1942](#), gravl 15/7 s.å. Dei kviler baa på [Sulitjelma nye gravplass](#).

Olga Marie ^B finn vi hjå DISgravminner med dødsdato [17/1-1993](#), gravl på Sulitjelma nye gravplass 27/1 s.å. Det ser ut til at ho hadde budd på [Leivset](#) i Fauske. I grava inntil finn vi **Paul Herman Sal Eriksen** f 8/11-1895 (Bustad: [Charlotta, Sulitjelma](#)) – død [1/10-1955](#), gravl Sulitjelma nye gravplass 27/1 s.å.

DISgravminner syner at **Harda Birgitte** ^D døydde [4/9-1964](#), gravl Fauske øvre gravplass 8/9 s.å. Ser de nøye etter, er det ein dag skilnad mellom fødeseldatoen i kyrkjeboka og på gravsteinen. Ho deler gravstein med **Oskar Johan Os**. Han var fødd på [Os](#) 17/6-, dpt Fauske [31/7-1904](#)^[#30], konf [30/6-1918](#)^[#6]. Foreldra hans var **Ole Andreas Kristensen** og **Johanna Petrine Danielsdtr**. **Oskar** finn vi på [Os](#), gnr 98/2 i Fauske ved [FT1910](#). Han døydde [10/4-1975](#), gravl 15/4 s.å.


Olav Levin ^F **Haldorsen** døydde iflg. DISgravminner [4/6-1992](#), gravl Fauske øvre gravplass 11/6 s.å. Under same gravstein kviler **Bergljot Agnes Johanna Haldorsen** f 6/7-1903, død [1/8-1991](#), gravl. Fauske øvre 27/7 s.å.

Gravsteinen til **Henry** ^H **Haldorsen** finn vi på Sulitjelma nye kyrkjegard. Han døydde [4/5-1993](#), gravlagd 11/5 s.å. Han deler gravstein med **Marie** f **Karlsson**. Vi finn henne i [FT1910](#) busett i Gikken i Sulitjelma – med foreldre [August Karlsson](#) og [Karen Birgitte](#). **Marie** døydde [9/3-1985](#), gravl 15/3 s.å.

Wilhelm ^I **Haldorsen** vert hjå DISgravminner gjeve bustadadressa E Knutsensv., Sulitjelma. Han døydde 26/9-1985, gravl Sulitjelma nye kirkegård 3/10 s.å. Gravnummeret framfor tilhøyrrer **Astri Jonette Haldorsen**. Ho var dotter til **Johan Herman Madsen** og **Ragna Johansen**, f [Hanken](#), Sulitjelma 20/11-1912, dpt [15/6-1913](#)^[#15], konf [28/8/1927](#)^[#15]. Ho døydde [1/9-2006](#), gravl. 7/9 s.å.



Troms fylke



frå Wikipedia
no.wikipedia.org

Kjelde	Tal personar frå Valdres
FT1865	7
FT1875	4
FT1900	1
FT1910	1
Innflytting	
Giftarmål	9
Gravferder	4





Bokhandlaren i Tromsø døpt i Aurdal kyrkje i 1818



Utgjevar av fyrste romanen til Knut Hamsun

Aurdølene frå austsida av fjorden – og sume andre - har på fleire nettsider skrive om sambandet mellom [Aurdal](#) ([Frydenlund](#), [Onstadmarké](#) - [bokmelding](#)) og Knut Hamsun. Eg kan ikkje sjå at dei har nemnt at forfattaren, også tidleg i karrieren, hadde samarbeid med ein Aurdøl - men då var møtestaden «[Ishavsbyen](#)» Tromsø.

På Røvlingseige i Vestringsbygden vert det fødd ein gut den 4. mars 1818. Guten vert døpt i [Aurdal kyrkje](#) knappe tre veker seinare, [22. mars 1818](#)^[#9]. Guten får namnet [Michel](#) [[Mekjell](#)]. Det er notert at han er eit «[Uægte Barn](#)» og at mor hans er «[Pigen Inгри Henrichsd RevlingsEje](#)». «[Som barnefader angivet Ole Michels Fremgaardseje i Søndre Ourdal. Hendes 3^{die} og hans 1^e Lejermaal](#)». Faddrane kjem frå «[RevlingsEje](#), [NordagerEje](#) og [Kulterstad](#)». Det er òg notert at guten høyrer til i «[L\(egd\) N^o 21](#)».

[Ingri Henriksdtr](#) vart døpt i Bagn kyrkje [8. juni 1791](#)^[H side, øvst] og vart konfirmert av [sokneprest Helt](#) i Bagn krk. [4. august 1805](#) ^[Hspalte, midten]. Ho er ved [FT1801](#) nemnd saman med foreldra, [Henrik Trondson](#) og [Anne Halvorsdotter](#) samt systera [Kari](#), i «[Stavedall, Reenlie sokn i Ourdahl prgj](#)». Familien er nemnd på side 102 i «[Gard og bygd i Sør-Aurdal](#)», band A. [Henrik Trondson](#) var [Åbjøring](#), døpt i Aurdal kyrkje. [16. desember 1764](#)^[Vside,4.ovanfrå]. «[Trondeslektsgreina](#)» i Åbjør har røter langt attover – og [Trond](#)namnet kom til Åbjør frå Bergji i Skrautvål med ei [Astri Trondsdotter](#). [Anne Halvorsdotter](#) vart døpt i Bagn kyrkje [5. februar 1758](#) ^[Vside,7.ovanfrå]. [Anne](#) og [Henrik](#) gifta seg i [stavkyrkja i Reinli](#) ([Øvre Reenlie](#)) [5. mai 1785](#)^[Hside,4ovanfrå]. [Henrik](#) er då skriven «[Henrich Thronsen Holden](#)». [Anne](#) døydd på [Hovseige](#) i Reinli i [juli 1810](#)^[Hside, 13.ovanfrå]. [Henrik](#) er skriven «[Lægdslem](#)» då han dør [25. april 1845](#)^[#8]. «[Opholdsted](#)» er skriven «[Rusten\(Strømstad\)](#)».

Som sidemerknad kan ein ta med at [Anne](#) og [Henrik](#) vert besteforeldre til «[Valdres-bispen](#)» [Henrik Steinsrud](#). Ein artikkel om han er å finne i «[Årbok for Valdres 2014](#)». Noverande(2015) leiar i Valdres Historielag kan òg ta med [Henrik Trondson](#) i forfedretavla.

[Mikkel Olsen Hoff's-Eie](#) vert konfirmert i Nordre-Aurdal prestegjeld [18. august 1833](#) ^[#29]. I Ministerialboka har han - og nokre andre –fått merknaden «[Meget god i enhver hæns.\(eende\)](#)». Neste gong eg treffer namnet hans i kyrkjebøkene er [januar 1858](#)^[#5]. Den «uægte» sonen Ole døydd [17. januar 1858](#)^[#6] og vart gravlagd 22. januar s.å. [17. desember 1858](#)^[#30]. vert [Mikkel](#) gift i Tromsø med «[pige](#)» [Anne Rebekka Jørgensdotter](#). Ho er «[af Lenvigs sogn](#)», fødd 17. april- og heimedåp er «[confirmeret](#)» i «[Tromsø kirke](#)» [3. juni 1827](#)^[#48]([KB Tromsø](#)^[#0]). Foreldra hennar er «[Gm Jørgen Grip Olsen](#) og [h Cecilia Robertsdr Navaren](#)». – Eg har ikkje funne noko innflyttingsmelding til Tromsø kirkje for [Mikkel](#) eller [Anne Rebekka](#).

[6. april 1858](#) skriv «[Uhrmager Kofoed](#)» og «[Boghandler Urdahl](#)» «[Kiøbekontrakt](#)» om egedomen Matr. N^o 52^b i Tromsø. «-[saaledes at M Urdahl paa den samlede Eighedom hvilende Pantehæftelser overtager 400 Spd af Gjelden ril Misionsfondet](#)». Kontrakta er tinglyst 6. april 1858.

Sonen [Johan Edvard](#) vert fødd 23. juli 1860 og dpt i [Tromsø krk.](#) [28. oktober s.å.](#)^[#106]. Guten var heimedøpt «[af pastor Holmboe](#)». Foreldra er no skrivne «[Boghandler Mikael Urdahl](#) og [hustru Ane Rebekka Jørgensdt, Tromsø](#)». Skriveforma ved [FT1865](#) er «[Mekkal Urdal](#) og [Ane Rebeka](#)». Familien bur no i «[Storgaden 168^b, 52^b](#)» i Tromsø. Bokhandlaren har laga seg «[etternamn](#)» frå området han vaks opp i som smågut. I 1865 har dei både «[Tjenestepige](#) og [Dreng](#) og [Betjent](#)».

Når vi kjem fram til [FT1875](#) er familien atter å finna i Storgaden 52. Men no syner teljinga at [Mekkal](#) og [Ane Rebeka](#) har teke inn to pleieborn, [Johan Hassing](#) og [Aagot Schjølberg](#). [Johan](#) var f i Tromsø 9. desember 1864 og dpt [22. januar 1865](#)^[u.nr.]. Han er uekte barn av «[Jomfru Johanna Marie Jenny af Domkirkesognet t Trondhjem](#) og [opgiven som Barnefader Ungkl Kjøbmand Gerhard Hassing paa Namsos](#)».-«[Opgaven af Barnemoderen i overvær af Haagen Jørgensen. Begges 1^e Leiermaal. Moderen kom hertil i Juli 1864 fra Trondhjem. Hun var paa Namsos i Marts 1864 i 8 Dage.](#)» [Johan](#) var i [FT1865](#) registrert som pleiebarn hjå [Haagen Jørgensen](#) og [Lava Mikkelsdtr](#) i Grønnegade443,494 i Tromsø. [Aagot](#) var f 1. september- og dpt i Tromsø [Allehelgensdag](#), [1. november 1874](#)^[#153]. Ho er dotter

til «*Bager Nils Peter Schjølberg og hstr Rikka f Ustrøm*». Fredrikke Ustrøm døydde i Tromsø [19. desember-\[#136\]](#) og vart gravl. 23 desember 1874. Ved [FT1875](#) har bakar [Nils PetterSkjølberg](#) flytta til Risøyhavn på Andøya (Dverberg prgj. i Nordland).

Så - i 1877 gjev **Mekkal Urdal** ut romanen «[Den Gaadefulde](#) – En Kjærlighetshistorie fra Nordland - af Kn Pedersen». «*Tromsø – Forlagt af M Urdal. – G Kjeldseths Bogtrykkeri – 1877*». [Nettsida om Storgata 106](#) i Tromsø fortel at **Urdal** var storutgjevar av skillingstrykk og song gjerne dei sørgelege visene for kundane sine. Boktrykkar [Gustav Olav Kjeldseth](#) finn vi ved [FT1875](#) busett i Nordre Strandgade 149 i Tromsø.

Når bokhandlarfamilien opna heimen for to pleieborn, må ein tru at dei var godhjarta folk med ansvarskjensle for medmenneskje. At **Johan Hassing** også tok **Urdal**-namnet, tyder vel på at han ikkje lei noko vondt hjå pleieforeldra.

Men - [gode gjerningar skal ille lønast!](#)*[Lnk2](#) *Boghandler Johan Edvard Urdal*, som vart konfirmert i Tromsø [23.april 1876\[#10\]](#), dør av «*Tæring*» [10. mai 1883\[#22\]](#), berre 22 år gamal. Dette laut vera eit hardt slag både for 'pleiesyskena', foreldra og ikkje minst, for kona hans. **Johan Edvard** hadde no vore ektemann i godt og vel to år. Han gifta seg i Tromsø [29. april 1880\[#4\]](#) med **Emma Vilhelmine Falk** f 14. november1855 på [Karlsøy i Troms](#), dpt [15. juni 1856\[#22\]](#), konfirmert i [Karlsøy krk. 2. juni 1873\[# 1\]](#). I [1865](#) bur ho saman med sysken, far og stemor i [Wandstuen](#) Ino 127a i Karlsøy.

Emma og **Johan** fekk sonen **Michael Annaton** f i Tromsø 26. juli-, dpt [12. september 1880\[#67\]](#). **Odin Alfred** er f 9. august-, dpt [4. septenber 1881\[#75\]](#), død av «*mavekatarr*» [11. oktober 1881\[#27\]](#), gravl. 17. oktober s.å. **Ole Christian Johan** vert f 2. november- og er heimedpt av stiftsprest Hall [2. desember 1882\[#10\]](#). Han dør [9. mars 1883 \[#9\]](#) og vert gravlagd i Tromsø 15. mars s.å.. Dødsårsak er skrive «*Gas i Maven*». Etter dette har nok **Emma Vilhelmine** flytta frå Tromsø. I [1885teljinga](#) er ho busett i øvre Blegevei 18c i Bergen, der ho er tenestjente hjå storebror sin, 2^{den} styrmand [Jørgen Anton Falk \[#3\]](#) og kona hans, [Tomasine](#). **Michael Annaton** finn eg inga spor av.

Mekkal og **Anne Rebekka** bur i Storgt 52b også ved [FT1885](#). Pleieson **Johan Hassing Urdal** er no «*Skomagervend*» og *Ole Eriksen Løkken* frå Dovre er Handelsbetjent. I husstanden er tenestjenta **Ingeborg Sofie Sivertsen** frå Målselv – henne treffer vi på seinare i «*stubben*»..

Mekkal Urdal vert enkjemann i 1890. **Anne Rebekka** dør av «*Pathisis*» 11. januar- og vert gravlagd i Tromsø 15. januar s.å. Ved [FT1891](#) finn vi *Boghandler Mikal Urdal* busett i [Storgade 53b](#) saman med pleiedottera [Aagot Schølberg](#). Ministerialbok nr. 15 for Tromsø syner at «*enkem. Fhv. Boghandler Michal Urdal*» busett i «*Storgaden*» dør av «*Apoplexi*» [3. mars 1896\[#17\]](#) og vert gravl. 9. mars s.å. Gravsteinane over [M Urdal](#), kona [Anne Rebekka](#) og sonen [Johan Edvard](#) står på Tromsø Gravlund.

Til vanleg endar eg «*stubbane*» anten der personvernet set grense – eller der den genetiske lina stoggar, men her gjer eg eit [unnatak](#). Vi skal no gå litt vidare med [pleieborna Mekkal](#) og [Anne Rebekka](#) tok ansvar for.

Johan Hassing Urdal tok over som bokhandlar etter at **Johan Edvard** døydde. Ved [FT1891](#) for [Storgaden 53a](#) (*Husliste8*) har [Johan Hassing Urdal](#) gifta seg med [Ingeborg Sofie Sivertsen](#). Ho var f 29. august 1871 på [Grundnes](#) og var dpt i Målselv [28. januar 1872\[#4\]](#). Foreldre var inderstparet [Johannes Sivertsen](#) og [Jensine Hansdtr](#). Ho vart konfirmert i Tromsø [7. mai 1886\[#34\]](#). Sonen [Vilhelm](#) vart fødd 2. september- og dpt [14. oktober 1888\[#72\]](#). Guten som er [udøypt vet FT1891](#) kom til verda 20. september 1890 og fekk namnet **Mikel Arnoldus** [30. mars 1891\[#12\]](#). Dei hadde òg dottera **Dagmar** f 20. mai-, dpt [20. august 1893\[#56\]](#), død [1. mars 1894\[#12\]](#) og sonen **Odin Alfred** 9/-8-1881-11/10-1881[#27].

Når vi kjem fram til [FT1900](#) er bustad framleis Storgade. **Joh. H. Urdal** er no nemnd *Kjøbmand*. No har familien auka med tre born. **Inga Harriette** vart f 5. mars- og dpt [6. juni 1892\[#17\]](#), **Betty** f 20. januar-, dpt [15. april 1895\[#8\]](#) og **Lilly** f 17. juni, dpt [23. juli 1899\[#56\]](#). Attåt desse har svigermor [Jensine Sivertsen](#) òg tilhald i familien.

I et fyrste tiåret av 1900-talet finn vi at sonen **Johan Ivar** vert f 9. mars- og dpt [30. august 1903\[#77\]](#). **Vilhelm** vert konfirmert [30. april 1905\[#27\]](#) og **Einar Leonard** kjem vil verda 6. august- og vert dpt [10 september 1905\[#61\]](#). **Mikel Arnoldus** vert konfirmert [22. april 1906\[#27\]](#). Ved [folketeljinga 1910](#) er familien registrerte i [Storgate 106](#) i Tromsø. Svigermor [Jensine](#) har framleis tilhald her. **Johan Hassing Urdal** dør [3. mai 1940](#), **Ingeborg Sofie** [22. mars 1954](#). Båe kviler på Tromsø gravlund.

Betty Urdal vert konfirmert i Tromsø [23. april 1911\[#14\]](#). Ho har truleg lagt vegen sørover – Då ho vert gift i «*Vår Frue kyrkje*» i [Stiftsstadn](#) Trondheim [29. april 1915\[#15\]](#), er ho nemnd «*Butikdame*» med adresse *Ø Baklandet 12*. Brudgomen er «*Handelsreisende*» **Einar Hilmar Hansen**, han er f 6.

februar-, dpt [24. april 1887](#)^[#18] og konfirmert [6. oktober 1901](#)^[#8] i Vår Frue krk. Foreldra hans er skomakar [Johan Andreas Lindgaard Hansen](#) og [Nella Mathea Bardal](#).

Markus(Marcus) Urdal vert f 24. oktober 1912 og døypt [12. januar 1913](#) ^[#4] . Nokre veker tidlegare hadde storebroren, *handelsbetjent* **Vilhelm Urdal** gifta seg «*i sit hjem*» [4. august 1912](#)^[#34] med *butikfrøken* **Kristine Olianna Eliasdtr.** Ho var f på [Å i Lavangen](#) (*Ibestad herad*) 20. januar og dpt i [Ibestad krk.](#) [27. juni 1887](#)^[#17] og konfirmert i Ibestad [15. juni 1902](#) ^[#78] . Ho er dotter til [Elias Nilsen](#) og [Nikoline Andrea Nilsdtr.](#) Ved [FT1900](#) bur ho saman med foreldre og sysken på Å. Ho er busett hjå «Bager» Petter M Krane og familie i Storgate 104 i Tromsø ved [FT1910](#).

Vilhelm og **Kristine Olianna** vert foreldre til sonen **Atle** f. 5. juli-, dpt [24. august 1913](#)^[#79]. Han vart konfirmert i Tromsø [9. desember 1928](#) ^[#24]. «*Store Norske Leksikon*» fortel at han var *elev ved Statens Kunstakademi* 1939-1941. –**Ågot Andersen** og ektemannen, *kjøpmann* Johan Alfred Andersen var mellom fadderane til Atle.

Marcus Urdal vert konfirmert same dag som brorsonen **Atle**, [9. desember 1928](#) ^[#26]. **Marcus** vert *cand. theol.* og gjorde teneste fleire stader i Nord-Noreg. Eg fann namnet hans medan eg arbeidde med stubben om «*Far og dotter frå Slidre til Andøya*». Han er omtala på side 125 i boka «*Bjørnskinn kyrkje 1885-1985*». Han er òg nemnd på ein «*oversiktleg/overkomeleg*» [GENI-profil](#). DIS-gravminner syner at han døydd [26. september 1983](#) og kviler på [Dverberg nye gravplass](#) på Andøya.

[6. desember 1914](#)^[#27] vert **Lilly Urdal** konfirmert i Tromsø. Ho giftar seg i Tromsø [5. desember 1925](#)^[#85] med *sjømann* **Helge Johan Johansen** f 27. juli 1898, dpt [21. april 1901](#)^[#24], konfirmert i Tromsø [1. desember. 1912](#)^[#8]. Han er son til *sømand* [Einar Andreas Johannesen](#) og pige, *skipperdatter* [Helga Henriette Andresen](#). Ved teljingane i [1900](#) og [1910](#) bur han hjå besteforeldra, *ishavsskipper* [Hemming Adrian](#) - og [Hanna Gurine Andresen](#) i [Otto Sverdrupsgt](#) 11 i Tromsø. Frå DIS-gravminner finn vi at **Helge Johan** døydd [8. juli 1968](#) medan **Lilly** døydd [14. februar 1881](#). Båe kviler på Trømsø gravlund.

Johan Ivar Urdal vart konfirmert i Tromsø [11. mai 1919](#)^[#45]. Vi finn han h ja DISgravminner, han døydd [26. november 1981](#) og er gravlagd 4. desember s.å. på Furumoen gravplass i Steigen. Han har felles grav med **Olga (Kristine Leonora Tistrandsen) Groth Urdal**, f [Røtnes](#) 10. mars, dpt [25. august 1912](#)^[#14], død [12. januar 1996](#).

Einar Leonard Urdal døydd iflg. DIS-gravminner [29. juni 1984](#) og er gravlagd på [Oddernes nye gravplass](#), Kristiansand S.

Aagot Schjølberg, det andre pleiebarnet **Mekkal** og **Anne Rebekka Urdal** tok seg av, vart konfirmert i Tromsø [28. april 1889](#)^[#57]. **Mekkal Urdal** var forlovar då ho gifta seg i Tromsø [22. oktober 1892](#)^[#22] og ektemann vart *Kjøbmand* **Johan Alfred Anderson** f 1865 i [Borås](#), [Älfsborgs Län](#) i Sverige. Han var konfirmert i Hammerfest [24. april 1881](#)^[#1]. Ved [FT1900](#) bur dei i Storgade i Tromsø, [FT1910](#) syner at dei har flytta til Lillebakken 119/136, Tromsøsund.

Dei fekk dottera **Aagot Rebekka** 20. november 1893, [dpt 7. januar 1894](#)^[#2]. Ho døyr av «*Kighoste*» [5. april 1896](#)^[#16] og vert gravlagd på Tromsø gravlund [11. april s.å.](#)

Så fylgjer **Edith Linnea** f 17. mai-, dpt [30. Juni 1895](#)^[#33], konf [23. april 1911](#)^[#43]. **Agnes Marie** f 19. februar-, dpt [28. mars 1897](#)^[#10], konf [12. mai 1912](#)^[#21]. (Ho kan vera død [3. juli 1983](#) i Solum – var i så fall gift med *Jeremias Gundersen*.) **Johanne Elisabeth** f 18. februar-, dpt [3. mai 1899](#)^[#27], konf [9. mai 1915](#)^[#14]. **Jenny Helene** f 29. juni-, dpt [4. november 1900](#)^[#76], konf [3. desember 1916](#)^[#9], død [16. desember 1967](#), begr. Tromsø gravlund. **Karl Gustav Levin** f 30. juni-, dpt [9. august 1903](#)^[#34], konf [1. desember 1918](#)^[#42]. Han var bibliotekar,døydd i Chicago, Illinois [21. oktober 1933](#), men har gravminne på Tromsø gravlund.

DIS-gravminner syner at *Kjøbmand* **Johan Anderson** døyr [20. mai 1935](#) og **Aagot** døyr [15. april 1951](#). Båe kviler på Tromsø gravlund.



Atle Urdal: Dag 1950 ([frå.o.wæring](#))



Skomakarbrørne frå Lundeeige

det var ein gong to brør
 det var ein gong to brør
 to *skom skom skomakar* brør
 det var ein gong to brør



Han «[Bernt Skomakar](#)» var nok ikkje ein av desse brørne, men «modellen» hans var truleg frå same område som dei to gutane vi skal sjå nærare på i denne stubben. Ingen av gutane fekk ektemake med døypnamn Gurine – og bustadane deira heitte heller ikkje Røyskattlia.

I ein tidlegare stubb er det synt til [kyrkjebokbrannen](#) i Etnedal. Ut frå opplysningane i kyrkjebøkene ved død/gravferd vart **Anders Engebretson**^A fødd 15. mai 1853 og **Ivar Engebretson**^B 17. november 1855. Foreldra deira var **Engebret Arneson** og **Siri Eriksdtr.** Ved [FT1865](#) er familien husmannsfolk i [nedre Ruse](#) i Bruflat sokn i «Søndre Aurdal» prestegjeld.

Engebret (Embrik/Embrek) var fødd 23. januar- og dpt i Bagn kyrkje [29. februar 1825](#)^[#20]. Han tek òg turen over åsen til Bagn for å bli konfirmert, [23. august 1840](#)^[#20]. Datoen for giftarmålet med Siri gjekk truleg «opp i røyk» - i bokstaveleg tyding. «*Gard og bygd i Etnedal*», band C, fortel på [side 345](#) at Engebret døyddde i 1904. Foreldra hans heitte [Arne Embrikson](#) og [Ingri Arnesdotter](#).

Siri Eriksdtr kom til verda på [Riste](#) 2. september- og vart døypt i [Svenes](#) kyrkje [28. september 1823](#)^[#54]. Ho vart konfirmert i Nord-Aurdal prgj. [23. september 1838](#)^[#40]. Ho var dotter til [Erik Levorson](#) (Riste) og [Ragnhild Knutsdtr](#) ([Berg](#)). Dei gifta seg [16. mars 1822](#)^[#5]. [Erik](#) bur ved [FT1801](#) saman med foreldre og sysken i «[Garlie Nedere](#)» medan vi [ved same teljing](#) finn [Ragnhild](#) samt foreldre og sysken i [Berg](#). **Siri** døyddde i [Ruse](#) [8. mai 1889](#)^[#9], då er det skrive at ho var fødd på Nes i Nord-Aurdal, noko dåpsinnførsla provar er urett.

Levor er eit uvanleg førenamn i Valdres, eg skal laga ei rammetekst on utbreiing av dette namnet på slutten av denne stubben.

Kva tid brørne reiste frå Etnedal kjenner eg ikkje til, men bae karane har etter kvart kome til Målselv. **Ivar Engebretson**^B har i Målselv, i 1880, synt fram ei utflyttingsattest utferda av [Kaurin](#) i Sør-Aurdal prgj. datert [19. mars 1877](#)^[#2].

Ivar^B vert heretter i kyrkjebøkene for Målselv skriven *Iver Ingebrigtsen Lunde*. Han vert den fyrste av brørne som finn seg ektemake. Han er nemnd «*Skomager*» med bustad [Målsnes](#) då han [7. oktober 1884](#)^[#18] giftar seg i [Målselv kyrkje](#) med **Karoline Kareniusdtr.** Ho vart fødd på [Rundmo](#) i Målselv 9. fenruar- og døypt i Målselv [22. april 1860](#)^[#21]. Her vart ho òg konfirmert, [1. oktober 1876](#)^[#20]. Vi finn henne på Rundmo ved [FT1865](#). Far hennar, [Karenius Sivertson](#) var f på [Koppang](#) 11. oktober- og dpt i Åmot prgj. i Østerdalen [21. november 1824](#)^[#37]. Han gifta [seg 7. oktober 1849](#)^[#10] med [Margrethe Sakariasdtr](#) f på [Sommerbakken](#) i Målselv 25. mars-, dpt [17. april 1825](#)^[#1].

Karoline og **Ivar** vert foreldre til desse borna: **Ibert Kornelius**^{B1} f Målsnes 5. februar-, dpt [12. juli 1885](#)^[#13], konfirmert [7. oktober 1900](#)^[#37]. Han døyddde på Målsnes [19. februar 1902](#)^[#1] og vart gravlagd 26. februar s.å. **Signe Marie**^{B2} f 12. august-, dpt [4. oktober 1886](#)^[#37], konf [30. juni 1901](#)^[#3], **Albertine**^{B3} f 18. mars-, dpt [22. juli 1888](#)^[#13], konf [28. juni 1903](#)^[#2]. **Maja Konstance**^{B4} f 1. mai-, dpt [2. august 1880](#)^[#25], konf [2. juli 1905](#)^[#48], døyddde [28. august 1909](#)^[#25] «*Faldt utfor et fjell i Lenvik og forslog sig. Døde under reise til Tromsø*» - Ho vart gravlagd i Målselv 4. september 1909. **Ivara**^{B5} f 20. mai-, dpt [11. september 1892](#)^[#35], konf [30. juni 1907](#)^[#18]. **Bergeton**^{B6} f 2. april-, dpt [26. august 1894](#)^[#23], konfirmert [11. august 1908](#)^[#1]. **Eidor Johannes**^{B7} f 12. april-, dpt [2. august 1896](#)^[#21], konf [2. oktober 1910](#)^[#22]. **Agnes Terese**^{B8} f 26 februar-, dpt [20. august 1900](#)^[#20], konf [20. juli 1915](#)^[#30] og **Ibert Kornelius**^{B9}, oppkalla etter broren som døyddde, f 8. mars-, dpt [14. september 1902](#)^[#26], død av «*hjertesykdom*» [18. november 1911](#)^[#21], gravl 25. november s.å. – Vi kan finne familien ved [FT1891](#) (*Husliste-Personskjema: f.o.m- t.o.m.*); [FT1900](#) og [FT910](#). Grunnboksbladet for [Lunde, gn. 1/12 i Målselv](#) syner at **Bergeton**^{B6} **Lunde** får skjøte på [Lunde](#) 15. mars 111, tinglyst 1. april s.å.

Ivar^B dør på Lunde [12. juni 1918](#) og vert gravlagd [18. juni s.å.](#)^[#11]. **Karoline** lever fram til [16. januar 1927](#). Båe kviler ved Målselv kyrkje.

Signe Marie ^{B2} er ved FT1910 tenestjente hjå lensmann Walderhaug og familie på Moen i Målselv. Ho giftar seg i Målselv [24. august 1915](#)^[#11]. Brudgom er **Lorents Vilhelm Dass Reiertsen** f [Kårvik](#) 14. februar-, dpt i [Lenvik kyrkje 30. oktober 1881](#)^[#68] og konfirmert [18. oktober 1896](#)^[#4]. Ved FT 1910 er han haldelsbetjent hjå haldelsmann Johan Dahl og busett på Lilleeng gnr. 84/14 i Lenvik prgj. Han er son til husmann [Reiert Johansen](#) og [Ane Margrethe Johansdr.](#) - Sonen **Johannes Lorentsen** ^{B21} kjem til verda på [Gibostad](#) 27. juli 1916 og vert døypt i Målselv [29. juli 1917](#)^[#24].

Albertine ^{B3} finn ein hjå DIS-gravminner død [26. januar 1970](#), med etternamn Bjørkebakk. Ho er gravlagd på [Brøstad gravplass](#) i Dyrøy kommune. Ho vart gift med **Martin Johan Mikkelsen**, f [Bjørkebakk i Dyrøy](#) 7. januar-, dpt [21. august 1892](#) ^[#12] i Dyrøy sokn, Tranøy prgj., konfirmert [30. juni 1907](#)^[#4]. Både ved [FT1900](#) og [FT1910](#) er han notert saman med foreldra [Nils Johan Mikkelsen](#) og [Charlotte Kristofa Marie Johnsdr](#) på Bjørkebakken gnr 9/1 i Dyrøy herad. Hjå DIS-gravmenner er han notert død [30. desember 1937](#), gravl [Brøstad gravplass](#). Han er nemnd «*Veiforman*» då sonen **Klaus** ^{B32} vert døypt [19. september 1926](#)^[#24], guten var f 8. august.

Ivara ^{B5} er ved [FT1910](#) tenestjente hjå båtbygger Otto Bentsen og famile på Sandnes [gnr. 2/6 i Lenvik](#). Ho vert [30. oktober 1912](#)^[#17] gift i Saltdal med båtbygger og gardbrukar **Johan Kornelius Olsen** f Storalmenning 14. februar-, dpt [15. februar 1883](#)^[#3], konf [3. juli 1898](#)^[#22]. Ved [FT1900](#) og [FT1910](#) er han busett på [gnr. 28/3](#) i Saltdal. Kyrkjeboka fortel at foreldra hans er [Ole Hasselberg Johansen](#) og [Johanna Bergitte Kristoffersdr.](#) (*Kan det ha vore noko kjennskap mellom båtbyggerane Bentsen og Olsen?*) - Frå DIS-gravminner finn ein at **Johan Kornelius** døydde [10. mai-](#), gravl. [15. mai 1965](#) medan **Ivara** ^{B3} døydde [1. mars-](#), gravl. [7. mars 1937](#). Båe kviler på [øvre Saltdal gravplass](#). Dei hadde borna **Magnhild** ^{B31} f 8. desember 1913, dpt [8. mars 1914](#)^[#7] («*Kvinnedagen*»), **Ole Karl** ^{B32} f 5. juni-, dpt [22. august 1915](#)^[#34] og **Ingebjørg Karoline** ^{B33} f 19. februar-, dpt [29. juli 1917](#)^[#20] («*Olsok*»). – Vi finn **Magnhild** ^{B31} død [3. september-](#), gravl Fauske øvre gravplass 11. september 2004. Ho kviler saman med **Sverre John Benjamin Djupvik** f [Dypvik](#) i Evenes prgj. 26. desember 1907, dpt [Evenes krk. 5. juli 1908](#)^[#13], død [3. juni 1992](#), gravl 11. juni s.å. Han var ved [FT1910](#) registrert på Skjønstad [gnr. 61/7](#) i Ballangen. Foreldre: [Jakob Pareli Jensson](#) og [Petra Gerharda Blom Pedersdr.](#)

Agnes Terese ^{B8} finn vi att som brur i Saltdal [23. april 1933](#)^[#6]. Brudgom er **Johan Olai Kristensen Vassbotn** f 16. mai-, dpt [5. juni 1896](#)^[#27], konf [9. juli 1911](#)^[#34]. Dis-gravminner syner at **Agnes Terese** ^{B8} døydde [9. september 1886](#), gravl 16. september s.å. på Øvre Saltdal gravplass.

Frå DIS-gravminner finn vi òg at **Bergeton** ^{B6} **Lunde** døyr [23. juni 1971](#), gravl 29. juni s.å. medan **Eidor Johannes** ^{B7} døydde [27. januar 1970](#) gravl 3. februar s.å. Båe brørne kviler på [Målselv kyrkjegard](#).

Anders Engebretson ^A giftar seg i Målselv [2. november 1886](#)^[#19] med **Marie Nilsdr.** Hø var fødd på [Tønbroen](#) i Tynset 4. desember 1852 og dpt [6. januar 1853](#)^[#1] i [Tynset kyrkje](#). Her vart ho og konfirmert, [27. oktober 1867](#)^[#18]. Foreldra hennar er [Nils Olson](#) og [Elen Ingolsdr.](#) Ved [FT1865](#) og [FT1875](#) bur ho ved [Tunbrua](#), men i [1880](#)^[#2] (innført 1882) har ho i Målselv synt fram ei innflyttingsattest frå «Tønset», og skal «søge arbeide». Ho har då tilhald på [Messeltmo](#).

Dei får borna **Sigrid** ^{A1} f 16. januar-, dpt [10 juni 1888](#)^[#8], død [19. januar 1889](#)^[#5], gravl 1. februar s.å., **Nils Emil** ^{A2} f 24. november 1889, dpt [3. april 1890](#)^[#8], konfirmert [1. oktober 1905](#)^[#26]. **Ingvar Sigurd** ^{A3} f 2. august-, dpt [28. september 1891](#)^[#29], konf [30. september 1906](#)^[#33] og **Magnus Ragnar** ^{A4} f 9. mai-, dpt [2. oktober 1893](#)^[#34], konf [11. oktober 1908](#)^[#36].

Ved [FT1891](#)^[#52] bur dei på Moen løpenr alba i Målselv. [[Husliste](#), Personskjema [1](#), [2](#) & [3](#)]. I [FT1900](#) er dei registrerte på [Moen gnr. 23/7 i Målselv](#), men **Anders** ^A er [samstundes registrert](#) som «*skomaker og fisker*» i [Hamningberg](#), Vardø herad i Finnmark.

Teljinga i [1910](#) syner *skomaker* **Anders** ^A (Her skriven Anders Ingebrigtsen Gude) busett i Nordre Langgade 245 i Vardø kjøpstad. At vi har funne «rette karen» burde vel innførsla for dødsfallet prove, ho syner at «*gift skomaker*» **Anders Ingebretsen Lunde** døyr i Vardø bysokn [11. april 1916](#)^[#11]. Dødsårsak er «*Apoplex ceribri*». Sjølv om dei [militære mannskapa i Vardø](#) truleg hadde sine egne skomakarar, var det vel i Vardø ingen mangel på folk som hadde bruk for skomakararbeid. Det var i alle fall registrert [11 skomakarar](#) ved FT1910 i Vardø. Talet på «*Tusenbein*» er ukjent.

Marie Nilsdr er i [FT1910](#) «Dagarbeider» og framleis busett på Moen i Målselv. **Nils Emil** ^{A2} driv i [1910](#) «Jordbruksarbeide» og er busett på [Nysted](#) gnr. 18/4 i Sørreisa herad, Tranøy prgj. medan **Ingvar Sigurd** ^{A3} ved [FT1910](#) er elev ved «*Troms Amtsskole*» og er busett på Høylund [gnr.85/18](#) i Ibestad. **Magnus Ragnar** ^{A4} er ved [same teljing](#) «*Gaards- og skogsarbeider*» på [Nymo gnr. 34/1](#) i Målselv. – Hjå DIS-gravminner finn ein at **Nils Emil** ^{A2} døydde [22. november 1967](#) og vart gravlagd på Målselv kyrkjegard 29. november s.å. - Ein [Geniprofil](#) har mykje om etterslekta til **Ivar** ^B.

*No veit eg ikkje meir, no veit eg ikkje meir
om to skom skomakarbrør - no veit eg ikkje meir !*

Mannsnamnet Levor

med tyngdepunktet i Hallingdal og Numedal

Nettsida namn.klikk.no fortel at **Levor** er «Et guttenavn av norrøn opprinnelse. Levor har aldri vært noe vanlig navn i Norge. Betydning: **norrøn: flokk, slekt + vern**. Det er 11 personer i Norge som har dette navnet.» - «Norske folkenamn med tyding» syner på [side 46](#) namnet som ei sideform av **Lidvard**, noko «*Norsk navnesed*» òg stor oppunder.

Eit søk i teljingane hjå «Digitalarkivet» sine folketeljingslister for åra 1801, 1865 og 1910 gjev eit interessant bilete for kvar namnet er nytta i Noreg i denne tida.

	1801	1865	1910
Oppland	2	4	1
Aurdal	2	4	1
Buskerud	45	79	58
Nes	12	26	9
Gol			1
Flå			5
Ål	12	22	11
Hol			5
Flesberg	7	10	12
Rollag	4	13	10
Sigdal	3	1	
Nore		1	3
Norderhov	3		
Ådal		2	
Krødsherad			1
Sandsvær			1
Kongsberg	2	2	1
Bragernes	1		
Telemark	13	11	4
Kragerø	3	3	
Bamble	3	4	2
Drangedal	2		
Solum	2	1	
Holla	1		
Seljord	1	1	
Kvitseid	1		
Eidanger		1	
Østfold		1	
Kristiania		1	1
Akershus	2	2	
Vestfold	2		1
Agder	2	1	
Rogaland	1	1	1
Hordaland	4	2	

Utbreieing i FT 1801-1910



«[Gule sider](#)» har 6 personar registrert i 2015



Målar- og glasmeister i «[Ishavsbyen](#)»

Ikkje alltid samsvar mellom opplysningar i folketeljingar og kyrkjebøker
Når sume familiemedlemmer attåt dette nyttar «[pseudonym](#)» er det ikkje lett !
Dette er hittil den «vanskelegaste» familien eg har leita opp !

[5. januar 1896](#)^[#2] døyr «*fhv Malermester, Enkem.*» **Johan Andreass Brandt** på Nitterud i Tromsø. Han vert gravlagd og jordfest 10. januar s.å. Ministerialboka fortel at karen er fødd i Vestre Slidre og at «*Opgiven Dødsarsak*» er «*debilitas senilis*». – Ikkje uventa, **Johan** nådde den høge alder av 90 år. Ein får òg vita at han hadde som «*Forsørgeren*»: «*Handelsborger Ferdinand Jakobsen og Bager Wold*».

Han var tvilling – og fekk ved dåpen, i [Slidredomen](#), [7. desember 1806](#)^[H side, 7. nedanfrå] namnet **Jon** (som eg nyttar vidare i denne stubben). Tvillingbroren vart heitande **Andreas**. Foreldra deira var «*skoleholder*» [Andreas Johnsen Brandt](#) og [Sigri Knutsdotter](#). Tvillingbror **Andreas**, skriven «*Hielde-Ejer*» døyr berre [2 dagar](#) etter kyrkjedåp, men etter kvart får **Jon** mange yngre sysken. **Jon** står til konfirmasjon i [Røn kyrkje 27. juli 1823](#)^[#29].

Så treffer vi **Jon** att i Tromsø – året er 1838 og dagen er [28. januar](#)^[#6]. No vert dottera **Ingeborg Anna**^{J1} døypt. Ho var fødd 3. august 1837 og vert konfirmert [6. juni 1852](#)^[#8]. Så kjem dottera **Mine (Vilhelmine) Marie**^{J2} f 3. februar-, dpt [13. oktober 1840](#)^[#91] og konf. [1. juni 1856](#)^[#5]. Sonen **John**^{J3} f 16. juli-, dpt [26. sesember 1842](#)^[#123], konf [3. juni 1860](#)^[#111]. **Serine Gurine**^{J4} f 16. februar-, dpt [21. september 1845](#)^[#68], konf [27. april 1862](#)^[#10]. **Tina Sophie (Olufine)**^{J5} f 12. desember 1847, dpt [13. august 1848](#)^[#159], konf [3. april 1864](#)^[#11]. **Nils Andreas**^{J6} f 23. desember 1850. dpt [22. januar 1851](#)^[#93], ikkje funne konfirmert – og til sist **Oluf Bernhard**^{J7} f 16. juli 1855, dpt [17. februar 1856](#)^[#12], død [28. februar 1856](#)^[#9], gravlagd 15. mars s.å. – Alle borna er tremeningar med **Marit Brandt**, nemnd i stubben «*Fotoatelier i Grisehuset på Ølken*».

Dei to jentene som opererer under fleire namn, **Tina** og **Mine**, fekk meg til å tenkje på [Fjøsvisa](#) til *Hans Rotmo*. – Eg gjer merksam på at eg ikkje set likskap mellom tofotte - og firfotte som *ha' sina*, men namnekombinasjonen var snøgglik!

Mor til borna heiter **Olava Helmine Jensdtr (Andersdal)** og vart døypt i Tromsø i [desember 1810](#)^[V side, H spalte. 2. nedanfrå]. Ho vart konfirmert i Tromsø [28. september 1828](#)^[#28]. Foreldra hennar heitte **Jens Haagensen** og **Gunhild Hansdtr**. Dei er nemnde som husmannsfolk i [Andersdal](#), Tromsø prgj. ved [FT1801](#)^[#018&019]. - Eg har ikkje greidd å finne giftarmålet mellom **Olava** og **Jon** i kyrkjebøkene for Tromsø. Men dødsfalla deira kan finnast, **Olava Helmine** døyr [6. januar 1873](#)^[1] og vert gravlagd 14. januar s.å., medan eg i innleiingsavsnittet har referert **Jon** sitt dødsfall.

Innan [FT1865](#) har dei to eldste jentene starta ekteskap. (Ingeborg) **Anna**^{J1} (**Brandt**) var fyrst ute. Ho gifta seg [27. juni 1861](#)^[#13] med «*vægter*», enkjemann **Simon Olsen** Lundene. Simon var f i [Børsa](#) prgj. 26. januar- og vart dpt [2. mars 1823](#)^[#11] og konfirmert [17. november 1839](#)^[#25]. Han hadde vore *g.m.* **Rakel Rasmusdtr** som døydd [21. juli 1859](#)^[#26]. Ved [FT1865](#) har **Simon** og **Anna** vorte foreldre til to born, **Johan Herminius**^{J11} f 16. august-, dpt [21. september 1862](#) ^[#105], konf [8. juli 1877](#)^[#36] og **Amanda Sofie**^{J12} f 6. juli-, dpt [20. august 1865](#)^[#71], konf [4. april 1880](#)^[#26].

Dottera **Mina Charlotte**^{J13} kjem til verda 26. april- og vert dpt [21. juli 1867](#)^[#88]. Sonen **Alfred Emil Brandt**^{J14} vert f 28. mars-, dpt [10. juli 1870](#)^[#63] og konfirmert [12. april 1885](#)^[#23].

Simon Olsen døydd af «*Lungebetennelse*» [26. april 1871](#)^[#23] og gravlagd 2. mai s.å. – No treffer **Anna**^{J1} saman med skipper **Andreas Bolvaagen** frå Kristiansund, og dette har som resultat sonen **Ingvald Andreas**^{J15} f 27. juli 1872, [heimedpt](#) ^[#146] av «*Mad. Sannum*», død [10. desember 1872](#)^[#87], gravl 14. januar 1873.

Snart etter vert **Anna**^{J1} kjend med ein [Helgelending](#), «*snedkermester*» **Peder Henrik Hansen**. Dei går inn i ekteskap [25. april 1873](#)^[#11] og får sonen **Henry Martinus Brandt**^{J16} f 4. mars-, dpt [12. juli 1874](#)^[#84], konf [28. april 1889](#)^[#24]. Dottera **Agnes Petrea Rosalie**^{J17} vert f 30. desember 1875, dpt [30. januar 1876](#)^[#13], konf [13. april 1890](#)^[#38]. – Ved [FT1875](#) finn vi familien i «*gaard nr. 415*» i Tromsø. Til sist får dei sonen **Hilmar Bernhard**^{J18} f 18. april-, dpt [6. juli 1879](#)^[#53]. [Teljinga 1885](#) syner at familien bur i Værftsgade 127. Adressa er òg Værftsgade 127 ved [FT1891](#), men no er **Peder Henrik** gift med **Kristine Karoline** f [1865](#) ^[#41?] i Kabelvåg. [[Husliste](#), Personskjema: [1](#), [2](#)]. **Agnes** og **Hilmar** er òg telde med her i 1891. **Peder Henrik Hansen** døyr [23. februar 1899](#)^[#13], gravl 1. mars s.å.

Mine Marie^{J2} vert [17. november 1864](#) ^[#20] gift med unglk, skipper **Ferdinand Peter Jakobsen**. Han var fødd i Tromsø 8. november 1831, dpt [29. april 1832](#)^[#25] og son til skomakar **Jakob Evensen** og **Margrethe Jensdtr**. Ved [FT1865](#) bur dei i Nordre Strandgate. Ti år seinare fortel [FT1875](#) at dei bur i «*gaard nr. 124*» i Tromsø. No bur **Margrethe Marie**, mor til **Ferdinand** hjå dei. Sidan dei var



Teikneseriefiguren Ferd'nand - skapt av [Henning Dahl-Mikkelsen](#). «[Hauk over Hauk](#)»

barnlause, tok dei til seg **Mina Charlotte** ^{J13}, dotter til storesyster **Anna Brandt**. Ferdinand er ved denne teljinga nemnd «*Handelsmand*». I 1885 er han nemnd «*Handelsborger*» og familien bur i Nordre Strandgt. Teljinga for same adresse i 1900 fortel at han driv «*Colonialhandel, Engros*». Skippergaten 28 er adressa notert då **Ferdinand** dør **15. februar 1910**^[#16], gravl Tromsø gravlund 22. februar s.å. Han er då enkjemann. Han var ein av «*Forsørgerne*» til svigerfaren, nemnt i fyrste avsnitt. **Mine Marie** (skrive **Vilhelmine Marie**) ^{J2} døydde av «*Slagtilfælde*» **22. desember 1908**^[#54], gravl 30. desember s.å. - **Mina Charlotte** ^{J13} er ved **FT1910** «*Huseierske*». DIS-gravminner syner at ho døydde **4. mars 1950** og kviler på Tromsø gravlund. Gravsteinen syner namnet **Mimmi**, noko også «*Lokalhistoriewiki*» nyttar ved omtale av [Skippergata 28 \(Tromsø\)](#).

John ^{J3} giftar seg **25. januar 1866**^[#2] men enkja **Anne Charlotte** Dreyer. dei har "*Kongl Bevilling af 23/1-66 til at vies hjemme i Huset uden Lysning. - Hendes 1ste Mand død for omtr 9 Aar siden. Skiftebevis af Byfoged Krogh 22/1-66.*" Brudgommen er skriven «*Ungkl, Ølbrygger*». Brura er nær dobbelt så gamal som brudgommen (44 mot 23 ½), så det må vel ligge *meir enn kjærleik* bak dette ekteskapet - **Anne Charlotte** var f 27. november 1821 og dpt **15. februar 1822**^[#2]. Foreldra hennar var **Jørgen Christian Dreyer** og **Thrine Karine Stoltenberg**. Ho gifta seg med tyskætta «*Bygmester*» **Gotfred Kanitz** **1. februar 1850**^[#6] [[Geniprofil](#)]. Ved **FT1865** bur ho saman med 3 born og tenestjente i Nordre Strandgate. – Dette er før **Mackølet** si tid. Ho er skriven «*Ølbrygger Madam*» og det bur ein «*Ølbryggeribestyrer*» med famllie på same adresse. Ein kan undrast om **John** ^{J3} har arbeid i bryggeriet. Ved **FT1875** bur **John** og **Anne Charlotte** i Nordre Strandgade 141b i Tromsø.

John ^{J3} har vel gjort seg sine tankar om alderen til kona – og gardert seg mot å bli barnlaus - ved å stella til ein uekte son i Hammerfest. Sonen **Johan Andreas** ^{J31} vert f 22. desember 1871 og døypt i Hammerfest **25. februar 1872**^[#7]. Foreldra er «*Ølbrygger i Tromsø John Brand og pige Elen Hoel fra Maalsnes*». **Johan Andreas** ^{J31} er ved **FT1875** fosterson hjå **Gustav Jensen/Arentine Arnesdr** i **Tromsdal**, løpenr 43a1 i Tromsøysund prgj. Han vert konfirmert i Tromsdalen kyrkje **30. september 1888**^[#86].

Serine Gurine ^{J4} går inn i ekteskap **25. oktober 1866**^[#20]. Brudgommen heiter **Markus Andreas Johnsen**. Han vart fødd 17. mai- i **Bolla** på øya Rolla og vart døypt i **Ibestad kyrkje** **1. august 1841**^[#74]. Ved **FT1865** bur han saman med foreldre og sysken på Bolla ytre i Ibestad. Han vart konfirmert i Ibestad **10. oktober 1858**^[#6]. Paret er busette i Tromsø.

Dei får etter kvart ein stor barneflokk. **Johan Andreas Brandt** ^{J41} er eldst. Han vart f 22. februar, dpt **14. april 1867**^[#32] og konfirmert **16. april 1882**^[#11]. **Serine Helmine** ^{J42} f 16. august-, dpt **4. oktober 1868**^[#116], konfirmert **1. april 1883**^[#45]. **Emanuel Marinus** ^{J43} f 30. desember 1870, dpt **26. mars 1871**^[#30], død **31. juli 1875**^[#69], gravl 5. august s.å. **Olga Jeanette** ^{J44} f 26. desember 1872, dpt **16. februar 1873**^[#39], konf **18. april 1889**^[#39]. **Nanna Helene** ^{J45} f 17. september-, dpt **1. november 1874**^[#154], konf **13. april 1890**^[#43]. **Hilda Emilie** ^{J46} f 23. oktober 1878, dpt **4. januar 1879**^[#2]. **Harald Knudsen** ^{J47} f 17. september 1881, dpt **18. april 1881**^[#29], konf **21. april 1895**^[#11]. Ein ny **Emanuel Marinus** ^{J48} vert f 15. november 1882, og døypt **15. april 1883**^[#122], konfirmert **25. april 1897**^[#43]. Til sist kjem tvillingjentene **Magdalene** ^{J49A} og **Marie** ^{J49B} båe fødde 28. mai 1885 og døypte **10. oktober 1886** ^[#70 & 71], - Dei er òg konfirmert same dag, **22. april 1900**, men her har **Magdalene** ^{#37} og **Marie** ^{#41}. Alle borna er døypte i Tromsø. **Marie** ^{J49B} døydde **10. desember 1919**.

Ved teljingane i 1875 og 1885 er familien busette i Grønnegade 2. Ved **FT1900** er Grønnegaden notert, men utan nummer. **FT1910** syner adressa **Grønnegate 10**. **Markus Andreas Johnsen** dør **11. september 1929**^[#49] medan **Serine Gurine** ^{J4} dør **6. februar 1931**^[#10]. Båe kviler på Tromsø gravlund.

Serine Helmine ^{J42} gifta seg med **Johan Adolf Kristiansen**. Han var f 6. mars 1873 på Løp i Bødø og dpt **8. juni 1873**^[#51]. Dei døyper i alle fall tre born i Tromsø. **Johanna Marie** ^{J421} f 3. juli 1892, dpt **3. januar 1893**^[#3]. **Sigvald Konrad Johan** ^{J422} f 18. juli-, dpt **16. august 1896**^[#52] og **Trygve** ^{J423} f 4. september-, dpt **9. oktober 1898**^[#98]. Eg vil tru det er **Trygve** ^{J423} vi finn gravlagd **24. mai 1974** på

[Lademoen kyrkjegard](#) i Trondheim. Ein [Geniprofil](#) styrker denne tanken. Med same gravnummer finn vi **Guðrun** (23/5-1909 – 6/9-1995) og **Tor** (9/8-1932 – 22/12-2004). Her er òg **Nanna Helene** ^{J45}, gift Ness, gravlagd. Ho døydde 11. september 1938.

Olga Jeanette ^{J44} vart [25. juli 1892](#)^[#9] gift med **Paul Leonard Hansen**. Han var f 13. august- og vart døypt [29. september 1872](#)^[#113]. Foreldra hans er «*søfarende*» [Hans Mathias Kristensen](#) og [Kristine Marie Kristoffersen](#). **Olga** og **Paul** vart foreldre til sonen **Leonard Torleik** f 30. november 1893, dpt [5. september 1894](#)^[#47]. Ved teljingane i 1900 og 1910 bur familien i Fr. Langes gt. i Tromsø.

Paul Leonhard var [russisk visekonsul til 1920](#). Han døydde [9. april 1960](#). **Olga Jeanette** ^{J44} døydde [18. juli 1937](#). Båe kviler på Tromsø gravlund.

Hjå DIS-gravminner finn ein og desse borna på Tromsø gravlund: Tollbetjent **Harald Knudsen** ^{J47} død [10. mai 1950](#) og **Magdalene** (Bostedt) ^{J49A} død [1. august 1971](#).

Tina Sophie (Olufine) ^{J5} tok steget inn i ekteskapet [16. november 1871](#)^[#32]. Friaren, som kanskje lokka med søte kaker, er [konditor Stener Pedersen Vold](#) og var f i Levanger 6. august-, dpt [2. november 1845](#)^[#32] og konfirmert [23. september 1860](#)^[#20]. Ved [FT1865](#) er han «Bagersvend» og bur saman med foreldra, «*Sadelmager*» [Peder Wold](#) og [Marta Jonsdtr Wold](#). Ein legg merke til at han i kyrkjebøkene er skriven Vold med enkel V, medan han oftast er nemnd med dobbelt-V etter å ha kome til Hålogaland. Han er den andre av «*Forsørgerne*» for svigerfaren, nemnd i fyrste avsnitt.

Stener og **Tina Sophie** ^{J5} får ei dotter, **Maria Vilhelmine** ^{J51} f 17. august-, dpt [22. september 1872](#)^[#112], konf [28. april 1889](#)^[#3]. [FT1875](#) syner familien i «gård nr. 145» og [FT1885](#) fortel at dei but i Nordre Strandgade 145. Her held dei òg til i 1900, medan dei i [FT1910](#) har tilhald i Skippergt. 10.

Ein postkar frå «*Hurtigruta*» har nok gjort seg kjend med denne familien. **Maria Vilhelmine** ^{J51} giftar seg i Tromsø [23. november 1896](#)^[#21] med postekspeditør **Johan Thurn**. Han var fødd i Tvedestrand 22. juni-, dpt [27. august 1865](#)^[#64] og konfirmert av sokneprest Boye Ording i Holt prgj. [15. august 1880](#)^[#5]. Han er son til «*kjøbmand*» [Kristen Olsen](#) og [Anne Nilsen](#). Familien er registrert i Tvedestrand ved [FT1865](#) og i «*Hovedgaden 58*», Tvedestrand i [FT1875](#). Eg er trygg på at postekspeditøren var av ei heilt anna støyning enn bysbarnet, «*Uhrmageren frå Tvedestrand*». De kan lesa ei [omtale av Johan](#) på Lokalhistoriewiki.

Maria Vilhelmine ^{J51} og **Johan Thurn** vert foreldre til **Sverre** ^{J511} f 27. oktober 1894 i Kristiania, **Haldis** ^{J512} f 23. mai-, dpt [22. juli 1890](#)^[#36] i Tromsø ([KB Harstad#0](#)). **Aslaug** ^{J513} f 12. juni-, dpt Trondenes krk. [14. juli 1901](#)^[#43] og **Aase** ^{J514} f 23. mai-, dpt Trondenes [24. juli 1904](#)^[#59]. I [FT1900](#) er **Marie** og **Sverre** busette i Nordre Strandgade i Tromsø medan [FT1910](#) syner familien busette i «*Harstad ladested*». «*Gift Postmester*» **Johan Thurn** døyr av «*Hjertelammelse*» [11. juli 1920](#)^[#54] og vert lagt til kvile ved [Trondenes kyrkje](#) 15. juli s.å.

DIS-gravminner fortel at **Sverre** ^{J511} **Thurn** døydde [24. januar 1960](#) og vart gravlagd ved [Haslum krk.](#) i Bærum 3. november s.å. På same gravnr. kviler òg [Solveig Benedicte Thurn](#). Nettsida «[stiftelsen-arkivet.no](#)» syner at distriktslækjar i Kvinesdal, **Sverre Thurn**, f 27/10-1897, sat [arrestert på Grini](#) i tida 17/11-1944 – 8/5-1945. – Ei **Aase Schjerven** ^{J514 ?} (23/5-1904 – [25/4-1982](#)) er gravlagd ved Ullern krk. saman med **Ivar Magne Schjerven** ([29/5-1904](#) – [21/10-1981](#)).

Nils Andreas ^{J6} Brandt finn saman med foreldra/faren i [FT1865](#), [FT1875](#) og [FT1885](#). Han er «*kurvmager*». Han døyr av «*Tæring*» [28. desember 1888](#)^[#1] og vert gravlagd 1. januar 1889.

I dei siste avsnittå får vi sjå på slektsgreina som fører Brandt-namnet vidare i Ishavsbyen. **Johan Andreas** ^{J31} **Brandt** gifta seg med **Anna Helmina Tollefsen** i Tromsøysund [15. september 1896](#)^[#19]. **Anna Helmine** var dotter til [Bersvend Tollefsen](#) (Bakkene/Tennes) og kona [Anna Marie Sørensdtr](#). Førenamnet til faren, [Bersvend](#), tyder på Anna Helmine har røter lengre sør i landet. Ho var fødd 24. februar- på [Tennes](#) i Balsfjord, døypt [2. juni 1873](#)^[#7] og konfirmert i [Balsfjord krk.](#) [16. juni 1889](#)^[#33]. [FT1875](#) syner henne på [Holmenæs](#) lno 157a. **Johan Andreas** ^{J31} var «*Vognmann*», han døydde [9. august 1953](#) medan **Anna Helmina** døydde [13. september s.å.](#) – Båe er gravlagde på Tromsø gravlund.

I Tromsdalen får dei dottera **Berthe Vilhelmine Kristofa** ^{J311} f 7. februar, dpt [12. september 1897](#)^[#48], død [4. mars 1915](#) gravl. Tromsø gravlund og **Gustav Martinus** ^{J312} f 12. juni-, dpt [18. september 1898](#)^[#53]. DIS-gravminner syner han død [2. februar 1961](#), gravl. saman med **Helga Brandt** f Eliassen (ektefelle?) og **Ragnar Brandt** (son?) på [Østre Fredrikstad kirkegård](#). **Jenny Amanda** ^{J313} f 14. januar-, dpt Tromsøysund [2. juni 1901](#)^[u.nr.], død [6. august 1987](#), gravl. Tromsø gravlund. Dei neste borna kjen til verda i [Grønnegt 10](#) i Tromsø: **Birger Antonius** ^{J314} f 28. april-, dpt [26. desember 1904](#)^[#121], [eigar av Grønnegt 10](#) frå 1957 til 1966 – ein [Geniprofil](#) syner at han stor etterslekt. **Harald Marinius** ^{J315} f 2. juni-, dpt [4. november 1906](#)^[#88] var vognmann/drosjeeigar – døydde [20. juni 1958](#). **Guðrun Anine** ^{J316} f 19. mars-, dpt [3. september 1911](#)^[#45], død [8. oktober 1995](#).

Bruk av førenamnet Bersvend i ulike område i 1801, 1865 og 1910

	1801	1865	1901
Sør-Trøndelag	118	112	102
Trondheim		6	8
Selbu	37	49	15
Tydal			6
Budal			6
Haltdalen	20		
Ålen			26
Støren	15	27	6
Meldal	9	8	4
Røros	7		6
Stadsbygd	7		
Strinda	5	8	6
Møre og Romsdal	66	94	53
Kristiansund			5
Tingvoll	19	31	14
Sunndal	15	4	
Nesset	9	17	2
Kvernes	5		
Stangvik	5	14	7
Surnadal	5		6
Øksendal		7	4
Hedmark	61	76	52
Tynset	34	46	28
Alvdal		14	9
Tolga	12	9	9
Rendalen	11	3	
Kvikne	3	3	2
Nord-Trøndelag	14	16	8
Stjørdal (øvre/nedre)	12	10	1
Oppland	12	16	8
Vågå (Sel 1910)	4	2	2
Lesja	3		
Fron (Sør og Nord-)	2	11	5
Ringebu			2
Troms	3	24	32
Tranøy	2	3	
Skjervøy	1		
Målselv		11	10
Bardu			7
Sørreisa			3
Balsfjord		3	
Dyrøy			3



Namnet ser ut til å vera mest brukt i deler av det «trøndske målføreområdet», svært mange i deler av Nordmøre (Tingvoll, Stangvik og Sunndal); Støren, Selbu, Haltdalen/Ålen – og vidare via Røros inn i det «austnorske målføreområdet» til nordre del av Østerdalen. «Lomma» oppe i Troms kjem nok av folkeflyttinga til desse traktene fyrst på 1800-talet. Eg er usamd med startaren i [denne debatten](#).

Vi kjenner ikkje leia – men vi veit kvar det bar

Eit lite tjuvlån frå «[Julekveldsvisa](#)» - med høveleg omskriving

Dei fire brørne frå nørre Etnedal kom alle til Troms, tre til Lenvik og ein til Tromsø

Nei, leia dei tok kjenner eg ikkje, men Ministerialboka for Nord-Aurdal fortel at familien frå «[Tonseie](#)» fekk utflyttingsattest med reisemål «[Romsdalen](#)» [16. mars 1835](#)^[#3-8]. Eg har ikkje greidd å finne dei som innflytta i noko prestegjeld i Romsdal.

De bør kanskje fyrst bli presentert for folka vi skal sjå nærane på i denne stubben. Ungkaren **Gudbrand Nilsson** [Hieiseige](#) og husmannsenkja **Guri Toresdotter** [Bergsbakkeige](#) gifta seg i Nord-Aurdal prgj. [21. juli 1816](#)^[#12]. Truleg var bryllaupet i [Skrautvål kyrkje](#), både brureparet og forlovarane høyrer til der i soknet.

Guri Toresdotter var døypt i [Bruflat kyrkje](#) [23. januar 1782](#)^[Vside, nest nedst]. Foreldre er «[Tore Fridrichsøn Ødegaard](#) og [hust Beret Nielsdatter](#)». Ved [FT1801](#) bur ho saman med foreldre og sysken på «[Hestekind Nordere](#)» i Bruflat sokn i «[Ourdahl](#)» prestegjeld. **Gudbrand Nilsson** var, som kona, døypt i Bruflat kyrkje, men [18. juni 1780](#)^[Vside, 4. nedanfrå]. Foreldre er skrivne «[Niels Langedahl](#) og [hust: Marit Gulbrandsdat](#)». Han bur i [Langedahl](#), [Brufladt](#) sokn, [Ourdahl](#) prgj. – saman med seks brør og ei syster ved [FT1801](#). **Nils**, **Marit** og **Gudbrand Nilsson** er nemnde på [side 77](#) i «[Gard og bygd i Etnedal](#)», band B - medan vi finn **Tore**, **Berit** og **Guri Toresdotter** på [side 53](#). Opplysningar om ekteskapet og utflyttinga til **Guri** og **Gudbrand** – og borna deira - er tilliks med mange andre ikkje medteke i bygdebøkene for Etnedal.

Guri vart fyrst gift med enkjemannen [Gutorm Tøridsøn Higdemseje](#) [21 «Julius» 1806](#). Han vart gravlagd ved [Skrautvål kyrkje](#) i [mars 1809](#). Ho hadde i fyrste ekteskapet sonen [Tore Guttormson](#), dpt i [Aurdal kyrkje](#) [24. april 1807](#).

I ekteskapet med **Gudbrand Nilsson** kjem desse borna til verda: **Nils** ^A f 3. februar-, [9. mars 1817](#)^[#17], konfirmert [5. juni 1831](#)^[#9]. **Peder** (Per) ^B f 11. juni-, dpt [11. august 1820](#)^[# 21]. **Tore** ^C f 24. april-, dpt [8. juni 1823](#)^[#24]. **Gudbrand** ^D f 23. mars-, dpt [26. mars 1827](#)^[#14]. Det er alle døypte i [Skrautvål kyrkje](#).

Så treffer vi på **Nils** ^A som brudgom, [21. august 1845](#)^[#6], i [Lenvik prestegjeld](#) i Troms. Han giftar seg då med **Nikoline Oldine Sedeniusdtr**, 22 år gamal frå Skognæs. Mykje talar for at ho var fødd på [Skognæs](#) 2. april-, dpt i [Lenvik krk.](#) [18. mai 1823](#)^[#8] og konfirmert i Lenvik [7. oktober 1838](#)^[#24]. Ho var dotter til [Sedenius Johannesson](#) og [Ovidia Nekoline Nilsdtr](#). Ministerialboka seier at **Nils** er 28 år gamal, fødd i «[Valders](#)» og bur på «[Qvanaasen](#)».

Dottera **Birgitte Gurine** ^{A1} vert f på [Kvannås](#) 22. september og dpt i Lenvik krk. [22. november 1846](#)^[#116]. Ein av faddrane er [Gulbrand Gulbrandsen](#). Så kjem **Sirianna Ovedia** ^{A2} f [Kvannås](#) 18. mars-, dpt [16. juli 1848](#)^[#88]. Eg har ikkje greidd å finne konfirmasjonane til jentene – korkje i ministerial- eller klokkebøkene for Lenvik.

Men [24 februar 1852](#)^[#5&6] er det notert to dødsfall. **Grmd Niels Gulbrandsen** ^A, 40 år og **Gulbrand Gulbrandsen** ^B, 30 år – båe med bustad [Qvanaas](#) – «[forulykkede paa Søen. Ligene ikke gjenfundne](#)». Dette er nok den eldste og yngste av brørne frå [Tonseige](#) som her laut bøte med livet i kamp med eit stormfullt hav.

Enkja **Nikoline** har truleg vore nøgd med karen frå dalføra i Kristians Amt – ho giftar seg oppatt [29. oktober 1854](#)^[#28] med ungkar **Sivert Olsen**, 31 år, frå Vågå i nørre Gudbrandsdalen. Eg finn ein **Syver** f 3. juni- dpt Vågå [9. juni 1822](#)^[#42] med foreldre Ola Syverson og Ragnhild Johannesdtr. – Ved [FT 1865](#) bur både **Birgitte** ^{A1} og **Sirianna** ^{A2} saman med mor, stefar og halvsysken på [Kjæresnæs øvre](#), løpenr 76b2 i «[A Hansens skoledisrtikt, Maalselven sogn](#)». I [FT1875](#) er **Nikoline** atter enkje, ho er no «[Husholderske](#)» i Strømmen indre, lno 59c i Lenvik. [FT1900](#) syner henne busett hjå **Sirianna** ^{A2} og familie på Hammersletten gnr 31/2 i Lenvik. «[Kaarenke](#)» **Nikoline Oldine Sedeniussen** døyr på [Grønjord](#) [9. januar 1903](#)^[#4] og vert gravlagd 15. januar s.å.

Sirianna Ovedia ^{A2} vert [20. oktober 1871](#)^[#16] gift med **Ole Peder Johan Petterson**. Han var f på Tenskjær i Lenvik 29. juli -, dpt i Lenvik krk [29 oktober 1848](#)^[#153] og konfirmert i Lenvik [21. oktober 1866](#)^[#5]. Ved [FT1865](#) bur han på [Tenskjær](#) saman med mor si og 3 sysken. Han er son til inderst **Peter Kristian Johanson** og **Catarine Henriksdtr**.

Sirianna og **Ole Peder** vert foreldre til **Peder Olai** ^{A21} f 13. juli-, dpt [18. august 1872](#)^[#104], død [9. april 1876](#)^[#50]. **Nikoline Sofie** ^{A22} f [Kraknes](#) 29. september 1874, dpt [6. januar 1875](#)^[#6], konfirmert i Lenvik [13. juli 1890](#)^[#7]. **Peder Olai** ^{A23} f 29. april-, dpt [21. juli 1877](#)^[#63], konf [2. oktober 1892](#)^[#6]. **Nils Gerhard** ^{A24} f 29. juni-, dpt [3 august 1879](#)^[#68]. **Nils Odin Sigvard** ^{A25} f 22. juni-, dpt [20. august 1882](#)^[#41],

død [15. oktober 1890](#)[#25]. **Kamilla Petrea Kristine** ^{A26} f 15. april-, dpt [2. august 1885](#)[#20], konf [18. juni 1899](#)[#28]. Dei tre eldste er fødte på [Kraknes](#), dei tre yngste på [Grønjord](#). Vi finn familien på Kraknes lno 40a1&40a2 ved [FT 1875](#) medan dei bur på Hammersletten gnr 41/2 både ved [FT1900](#) og [FT1910](#). Grunnboksbladet for [Hammersletten](#) syner at **Ole Peder Johan Petterson** fekk skjøte på eigedommen tinglyst 27. oktober 1884. I 1936 vart Hammersletten overført ved «[Auktionsskjøte](#)» til «*fru Johanna Olsen*» – dagbokført 17. april 1936. **Johanna** er svigerdotter til Ole Peder. Ho er òg notert som eigar i «[Matrikelutkastet av 1950](#)».

Nikoline Sofie ^{A22} vert gift med **Ole Johan Johansen** f [Hemmingsjord](#) i Sørreisa 21. oktober-, dpt [30. november 1873](#)[#41], konfirmert [Tranøy krk 30. juni 1889](#)[#11]. Foreldra hans var husmannsfolka [Johan Martin Sedeniussen](#) og [Anna Johanna Olsdr.](#)

Kyrkjebøkene syner i alle fall sju born for **Nikoline** og **Ole Johan**. Eldst er **Henny Marie** ^{A221} f 7. mai-, dpt [10. september 1899](#)[#74]. konf [19. juli 1914](#)[#52]. **Alfhild Johanna** ^{A222} f 25. januar 1901-, dpt [3. august 1902](#)[#10], konf [23. juli 1916](#)[#3]. **Sverre Ottander** ^{A223} f 6. april-, dpt [3. august 1902](#)[#3]. **Nelly** ^{A224} f 27. juni 1904, dpt [19. august 1906](#)[#29]. **Gudrun** ^{A225} f 14. april-, dpt [19. august 1906](#)[#30]. **Bjarne** ^{A226} f 17. juni-, dpt [28. juli 1907](#)[#13] og **Haakon** ^{A227} f 12. mai 1909, dpt [7. august 1910](#)[u.nr]. Alle borna er fødte på Grønjord – der vi finn dei på gardsnr. 31/4 både ved [FT1900](#) og [FT1910](#).

Alfhild Johanna ^{A222} vert gift i Malangen [11. mai 1922](#)[#3] med **Heitman Kornelius Hansen** f på [Dybvåg](#) 31. juli-, dpt [Sørreisa 9. oktober 1898](#)[#28] og konf i Lenvik [5. oktober 1913](#)[#6]. D

Fiskaren **Simon Nikolai Emil Nilsen** har vore på friartur til **Nelly** ^{A224}. Han har nok hatt hellet med seg og fått eit «ja» - dei giftar seg i Lenvik [8. august 1925](#)[#8]. **Simon** var f 18. februar- og vart dpt i Lenvik [21. september 1902](#)[#38].

Peder Olai ^{A23} tok òg turen over prestegjeldsgrensa for å finna ektemake. **Johanna Nikoline** var f i [Tømmervik](#), Sørreisa 26. april-, dpt [28. august 1881](#)[#14] og konfirmert 1896 i Tromsø. Foreldra hennar var gbr. [Johan Martin Sedeniussen](#) og [Anne Johansdr.](#) **Peder Olai** og **Johanna Nikoline** gifta seg i Lenvik [31. august 1902](#)[#7]

For denne slektsgreina kan ein finne minst to profilar hjå GENI. [Den eine](#) syner m.a. at **Sirianna** og **Ole Peder** har stor etterslekt. – [Den hin](#) er eit godt døme på at «*vegen til helvete er brulagd med gode forsett*». Her er forfar frå Valdres bytt ut med ein likelydande kar frå Hadeland – og sonen Nils er òg notert som «Halending».

Noko av årsaka ligg nok i «[hovedmålet](#): å samarbeide om **ett stort felles slektstre**».

Det er vel ikkje heilt ugrunna at m.a. GENI er kalla «*spreiar av slektsvirus*» (2,3)



Ungkar og [blikkenslager Peder](#) (Per) ^B **Gudbrandson** finn ein som brudgom i Tromsø [23. august 1853](#)[#14]. «*Brudgommens Føde= og Opholdsted*» er skrive «*Ourdals Prgtg – Tromsø*» og alderen hans er 33 år. Ein av forlovarane er [Brandt, Tromsø](#), truleg målarmeisteren frå førre stubb. - Brura er skriven jfr. (jomfru) **Marie Olsen**, ho skal vera fødd i [Fosnæs prestegjeld](#). (men ingen med far Ole Olsen funne i Ministerialboka for Fosnes i aktuelt tidsrom). Ein finn at paret får desse borna i Tromsø: **Martin Gerhard Sahl** ^{B1} f 13. februar-, dpt [2. juli 1854](#)[#137]. **Ane Christine** ^{B2} f 7. juni-, dpt [22. juli 1855](#)[#179]. **Henriette Marie** ^{B3} f 7. september 1857, dpt [31. januar 1858](#)[#11]. **Henriette Constanze** ^{B4} f 26. juni-, dpt [22. juli 1862](#)[#62] og **Edvin Gotfred Eugen Sahl** ^{B5} f 11. april-, dpt [1. mai 1863](#)[#17].

[FT1865](#) for «*Vestre Gade*» i Tromsø syner familien [#008-015]. Her er også notert ei dotter, [Eloine Petrine Amalie](#), f ikr. 1861 i Trondheim. Ti år seinare, i [FT1875](#) bur **Peder** på «*Provstenæsset*» i Tromsø. Han er no fråskild (sivilstand=f) og den «[gamle databasen](#)» syner at han har [konvertert](#). «*Katholsk*» fortel kolonna «*Trussamfunn*». I denne teljinga finn eg korkje borna eller tidlegare ektelelle. Men eg tvilar på at dei har sett kursen mot Vatikanet. - Ved [FT1885](#) bur blikkenslageren i Bakkegade 85, no er «*Valders i Urdahls P,g*» notert som fødestad.

«*Enkem*» **Peder Gulbrandsen** er notert mellom «*Dissentere*» i Ministerialboka ved dødsfallet [5. mai 1894](#)[utan nr.]. Her er skrive at fødestad er Tromsø, men det var vel ingen til å stadfeste om dette var rett eller gale.. Han vert gravlagt og jordfest 11. mai s.å. - Det kan elles vera av interesse å sjå på historia til den [katolske kyrkjelyden i Tromsø](#). Paven har òg [vitja byen](#).

Tore ^C **Gudbrandson**, 38 år frå «*Valders*» giftar seg i Lenvik [27. oktober 1861](#)[#22]. Han har, tilliks med storebroren Nils, funne seg ei jente frå nærområdet. **Hanna Petrika Christensdr** var f på [Leiknes](#) 6. april-, dpt [18. juli 1840](#)[#65]. **Tore** kom til Lenvik [hausten 1854](#)[#13].

Eldste barnet får namnet **Nils Guttorm** ^{C1}. Han er f [Gresmyr](#) 7. april-, dpt i Lenvik [8. juni 1862](#)[#13] og konfirmert [13. oktober 1878](#)[#19]. Så kjem, som «*perler på snor*», **Hans Teodor Martin** ^{C2} f [Troidaskog](#) 3. januar-, dpt [3. juli 1864](#)[#36], konf [5. oktober 1879](#)[#23]. **Kristen Cornelius** ^{C3} f [Troidaskog](#) 5. august-, dpt [26. august 1866](#)[#105]. **Henriette Johanne** ^{C4} f 17. mai-, dpt [9. august 1868](#)[#49], konf [13.](#)

juli 1884[#70]. **Sven Andreas** ^{C5} f 7. juli-, dpt [4. september 1870](#) [#120] , konf [26. juli 1885](#) [#16]. **Nils Jentoft Bertin** ^{C6} f Trolldvik 6. april-, dpt [3. august 1873](#) [#72], død [12. mai 1878](#) [#12]. gravl 26. juni s.å. **Bernhardine Henrika** ^{C7} f 1. april-, dpt [18. juli 1875](#) [#71], konfirmert [13. juli 1890](#) [#16]. **Lorents Jentoft** ^{C8} f 29. september-, død av lungebetennelse [6. april 1881](#) [#13], jordfesta 14. august s.å. Til sist kjem **Laura Jensine Nikoline** ^{C9} f 16. mai-, dpt [14. august 1881](#) [#33].

Familien er å finne i Trolldvik både ved [FT1865](#) og [FT1875](#). Kyrkjeboka fortel at «*Strandsidter Thore Gulbrandsen*» f 1821 i «*Valders*» med bustad «*Trolldvik*» - «*Omkom paa Søen et lidet Stykke frå sit Hjem*». Dødsdato er skrivne [14. februar 1882](#) [#9], gravferd 22-februar- og jordfesting 3. august s.å. Alle tre brørne frå «*Tonseie*» - som kom til Lenvik - omkom etter dette på havet!

Framme ved FT1891 finn vi **Hanna Petrika** og borna, registrert med [Husliste# 64](#) i Lenvik. [[Husliste](#), Personskjema [f.o.m.](#) – [t.o.m.](#)]. I [FT1900](#) er bustaden nemnd Trolldvik gnr 43/14, medam ein i [FT1910](#) skriv Trolldvik gnr 43/14 i Finsnæs-Sletbæs teljekrins i Lenvik herad. [Grunnboksbladet for gardsnummer 43/14](#) syner at sønene **Teodor** ^{C2} og **Sven** ^{C5} får skjøte frå mor si ikr. 1896.


Skogen gnr 46/6 er bustad for **Nils** ^{C1} **Thoresen** i [FT1900](#). Han gifta seg med **Hanna Bergitte Nilsdtr** f 26. mars-, dpt [11. juni 1865](#) [#11], dotter til **Nils Anton Jørgen Skogen** og **Ellen Kristiane Kristiansdtr**. Denne familien har bustad Skogen bøde i [FT1865](#) og [FT1875](#).

Hanna Bergitte og **Nils** ^{C1} vert foreldre til **Kristian Elberg** ^{C11} f 31. juli 1837, dpt [24. juli 1898](#) [#26], **Henriette Agvarda Johanna** ^{C12} f 12. mai 1900, dpt [24. september 1901](#) [#72] og **Toralf Halfdan** ^{C13} f Skogen 7. oktober 1904, dpt i Sørreisa [24. september 1905](#) [#26] ([LenvikKB](#)). Niss Thoresen får 12. september 1909 skjøte på bruket [Heimlid gnr 37/6 i Lenvik](#). Her finn vi familien ved [FT1910](#), men der er bustaden kalla *Heimdal*.



Då har «Hurtigruta» - på nordtur - lagt til kai i Finnsnes – [28. februar 2011](#) Foto: OHF

Handskrift i «sovestilling»



På leiting i kyrkjebøker for Johanneskyrkja i Bergen kom eg over ei, for meg, svært uvanleg handskrift. Det synest mest som skrivaren har bedd bokstavane om å finna ei «avslappande» stilling før han breier dyna over dei – og ynskjer «god natt». De kan berre prøve å etterlikne – det krev øving ! [Lekkje](#)

«Globetrotteren» frå Løkreim

Han hadde nok vore i «byen» meir enn to «gongo»

**Han har òg sett «djupe genetiske fotefar» i fleire område av fedrelandet
– og på hi sida av «dammen»**



Utsyn frå Gilaffellet mot nordaust.- 27. juli 2010 - OHF

I motsetnad til sume andre av skivarane av gards- og slektssooger for «[Valdres Bygdebok](#)», har skrivaren for Vang, statsarkivar Anders Frøholm teke med mange opplysningar om kvar folk som flytte ut frå Valdres vart av. «*Gardar og slekter i Vang*», band B, fortel på [side 419](#) at **Sjugurd Jørnson**, f 1797 i Søre Løkreim reiste til «*Nordlandet(Vestlandet)*». – Båe opplysningane om kompasskursen han tok er rette, han la turen fyrst til Hardanger, så til Amerika – og enda til sist i Lenvik prgj. i Troms. Han var truleg mellom dei fyrste valdrisane som sette foten på det Amerikanske kontinentet.

Han fekk namnet **Syver** [18. februar 1797](#) [[Vside,3.nedanfrå](#)]. Kva kyrkje han vart døypt i veit vi ikkje, det er born til dåp både frå hovudsoknet og Høre sokn denne dagen. Kyrkjeboka syner at foreldra var «*Jørgen Evensen Lochrem og Anne Syversdr*». Han er såleis [oppkalla](#) etter morfar sin, og har ein eldre bror, Eivind, oppkalla etter farfaren. På farmora si side går det ei slektsgrein attende til Aurdalspresten Peder [Colding](#). Dei som set pris på å lesa om førenamn kan finne m.a. [Sigurd](#), [Sjur](#), [Sjugur](#) og [Syvert](#) omtala hjå Vågslid: «*Norderlendske fyrenamn*» [side 313](#). Wikipedia har omtale av [Sjurd](#) og [Syver](#). På reisa si har førenamnet til Vangsgjeldingen fått fleire skrivemåtar, i Hardanger vert han skriven **Sjur**, i Lenvik har presten nytta namneforma **Sivert**.

Ved konfirmasjon i «[Wangs hovedkirke](#)» [3. augusti 1812](#) [[#12](#)] er ein **Siver Jørgensen**, 15 år gamal, nemnd med gardsnamnet *Søndre Bøe*. – *Sjugurd/Sjur/Sivert* må ha vore ein «*damenes Jens*». Bygdeboka fortel – og Ministerialboka syner at han bortimot samstundes hadde «*brød i omnen*» med to jenter i heimbygda. Det fyrste «*Uægte*» barnet han vert skulda for å vera medansvarleg i - er **Sigri**, f 30. juni 1723 og døypt [20. juli s.å.](#) [[#33](#)] i Høre stavkyrkje. Far er «*Soldat og Ungkarl Syver Jørgensen Lokkrim*», mora er «*pige Sigri Nielsdt Tørstad*». Dette er «*bægges første Leiermaal*», Då **Anne** vert døypt i [Høre stavkyrkje 24. juni 1827](#) [[#20](#)] er det notert at jenta var fødd «*22 May paa gaarden Alm i Vestre Toten*». Mora er «*pigen Randi EvensDr Bøe, udlagt til barnefader Syver Jørgensen Lokrem*» - «*Moderens 2^{dt}, Faderens 2^{dt} Leiermaal*». Då guten **Jørgen** vert kristna, i Vang hovedkyrkje [5. oktober 1828](#) [[#28](#)] syner merknaden at det er «*Faderens 3^{dt} og Moderens 1st Leiermaal*». Mor til guten er «*pige Margrethe JonsDr Næbstad*». Vangspresten har såleis hatt teljing på dei uekte borna til Sjugurd medan bygdebokskrivar Frøholm har [sett gjennom fingrane](#) med det fyrste «(side)spranget»!

Ungk. **Jørgen Syversen** Næbstad, 22 år – samt mor og morbror hans, pige **Margrethe Johnsd** Næbstad 55 år og ungk **Knud Johnsen** Næbstad, 55 år, får utflyttingsattest med reisemål Amerika [17. mai 1849](#) [[#98-100](#)]. Jørgen hadde knapt kjennskap til at far hans hadde vore innoom USA tidlegare.

Det er freistande å tenkje seg at den triple barnefaren etter kvart fekk dei same problema som hankatten i [reklamesnutten til Finn.no](#). Men **Sjugurd** sette nok ikkje kursen mot [Rio de Janeiro](#). - Vi treffer han att som brudgom i Ulvik prgj. i Hardanger [14. juni 1833](#) [[#8](#)]. Brura heiter **Ragnhild Hansdtr**, ho er skriven med alder 26 år ved giftarmålet. Gardsnamnet hennar ser ut til å byrje med *Houk*. Kan det vera [Houknæs](#)? Sonen **Hans** ^A vert døypt i Ulvik prgj. [29. november 1834](#) [[#91](#)]. [26. april 1836](#) [[#1](#)] får dei utferda utflyttingsattest frå Ulvik prgj. - og reisemålet er «*America*». No er alderen til Ragnhild skriven 24 år. Ho har såleis vorte to år yngre i dei tre åra ho har vore gift! – Ja, Vangsgjeldingar må ha ein foryngande verknad på Hardingkvinnfolk..... – Ei **Ragna Hansd** Haakenes vert konfirmert i [Ulvik kyrkje](#), 16 år gml., 2d søndag i Advent [5te Desember 1819](#) [[#7](#)].

Opphaldet i Amerika vart ikkje langvarig, men lenge nok til at dottera **Anna** ^B vart fødd der Folketeljinga 1865 syner at familien har kome attende til «gamlelandet» i 1841. Sonen **Jørgen** ^C er fødd «*paa Emigrantskib i Nordsjøen mellom England og Norge*» i 1841. Det tek vegen attende til Granvin og

vert strandsitjarfolk under *Haahem*?. Då dei døyper **Jørgen C**, [8. september 1841](#)^[#36] har dei tilhald på garden [Ovale](#). Det er samstundes notert i kyrkjeboka at dottera **Anna B** er fødd 1. mars 1839 og døypt [10. mars 1839](#)^[#37] av [Endre Arragbøe](#), «*Medhjelper i America*». Dottera **Maritha D** vert fødd 7. januar 1846. Ho vert døypt i Ulvik prgj. [3 februar s.å.](#)^[#3] med faddrar frå *Ljone, Opheim, Sysen, Græta og Haukenes*. Så, [24. juni 1849](#)^[#38] får familien utflyttingsattest til Nordland. No er **Syverth Jørgensen** 45 år og **Ragna Hansdtr Haaheim** er notert med alder 52 år. – Her er underlege aldringsprosessar på gang!

[Hausten 1850](#)^[#39-44] er **Syvert Jørgensen** og hustr **Ragna Hansdtr** registrert innflytta «*som jordbruger*» til [Solli i Lenvik](#). Dei har med borna **Hans A** (*confirmeret*) 16 år, **Anna B** 11 år, **Jørgen C** 9 år og **Marthe D** 4 ½ år. Familien kjem frå *Gravens præstegjeld* og har med attest frå [sokneprest Frost](#) datert 5. juni 1849.

Då **Anna B** (skrive Anne) vert konfirmert i Lenvik [3. oktober 1853](#)^[#48] bur familien på [Bondjord](#). Det er ikkje notert bustad ved konfirmasjonen til **Jørgen C**, [22. juni 1856](#)^[#2], heller ikkje då **Maritha D** (skrive Martha) vert konfirmert, [27. juli 1862](#)^[#6]. [FT1865](#) syner at familien bur på Bondjord (Bondjord) løpenr 22b – og har 3 kyr og 12 sauer (*faar*). Berre dottera **Anna B** er nemnd saman med foreldra. **Jørgen C** er i [1865](#) fisker og losjerande i Trollvik lno 19 i Lenvik.

Ragnhild Hansdtr dør i Trollvik [3. desember 1882](#)^[#5], gravl 21 desember s.å. og jordfesta 8. juni 1884. **Sivert Jørgenson** tek avskil med livet [16. mai 1886](#)^[#25], gravl 4. juni s.å – jordf 4. juni 1887.

Eldsteguten **Hans A** gifta seg i Lenvik [17. oktober 1858](#)^[#19] med **Anna Bolette** Olsdotter. Dei bur ved [FT1865](#) på [Leiknes](#) og har borna **Sofie Randine A1** f Bondjord 10/3-1860, dpt [22/7 s.å.](#)^[#37] konf. [25/7-1875](#)^[#6] og **Otilie Marie A2** f Leiknes 7/8-1864, dpt [7/9 s.å.](#)^[#103] og konfirmert [6. juli 1879](#)^[#32]. Ho har nok kome «godt overeins» med presten - han skriv i merknadsfeltet i kyrkjeboka: «*Udmerket i alle dele*!» **Anna Bolette Olsdtr** var f 12/1-1832 i Sjølhagen (Skilhagen) i Overhalla prgj. Ho vart døypt i [Sævik kyrkje 19/4 s.å.](#)^[#10]. Foreldra var [Marthe Pedersdtr Skiølhagen](#) og [Ole Olsen Biørenæs](#), Ved [FT1875](#) er familien notert på Leiknes løpenr. 20b i Lenvik, same «bustadsadresse» har dei ved [FT1891](#) [[Husliste86](#), Personsedlar: [f.o.m-t.o.m.](#)]. [FT1900](#) syner at dei bur på [Dybelvmo](#), gnr 42/3&6 i Lenvik. Gift husmann **Hans A Syverson** dør [29. juni 1904](#)^[#11]. Dødsårsak er notert «[Bronkit](#)». Han vert gravlagd 4. juli s.å. – Ved [FT1910](#) bur **Anna Bolette** og **Otilie Marie A2** på Lunnenborg gnr. 42/10 i Lenvik herad. **Anna Bolette** dør på Leiknes [28/3-1912](#) ^[#11] og vert gravl. 4/4 s.å.

Sofie Randine A1 gifta seg [5/10-1887](#)^[#18] med fiskar **Andreas Mortensen** f 6/7-1856, dpt [24/8 s.å.](#)^[#76] i Reissa, Tranøy prgj., son til [Morten Elandsen](#) og [Kirsten Olsdtr.](#), og bur ved [FT1865](#) i [Sørfosberg](#). **Sofie A1** og **Andreas** vert foreldre til **Kristian Martin A11** f 21/10-1889, dpt [15/6-1890](#)^[#14], konfirmert [1/10-1905](#)^[#55], så kjem **Hansine Albertine A12** f 15/8-, dpt [13/9-1891](#)^[#78], konf [15/7-1906](#)^[#40], **Ingvar Andreas Meyer A13** f 18/7-, dpt [18/8-1895](#)^[#37], konf [25/9-1910](#)^[#68], **Aminda Konstance A14** f 11/5-, dpt [6/8-1899](#)^[#40], konf [19/7-1914](#)^[#34]- og til sist **Anna Olivia Sofie A15** f 22/10-1902, dpt [2/8-1903](#)^[#18], konf [20/7-1917](#)^[#47], gift Trømsøund krk. [1/1-1929](#)^[#1] m **Karl Paulin Hanss. Elverland.** - **Sofie A1** og **Andreas** bur ved [FT1891](#) [[Husliste#52](#)] på Lysnes mellem, løpenr 147b i Lenvik [Personskjema: [f.o.m – t.o.m.](#)]. **Andreas** får [1. juli 1890](#) tinglyst skjøte på [Lysnes mellom gnr. 91/2](#) i Lenvik herad. Her er familien registrert både ved [FT1900](#) og [FT1910](#).

Anna B Syversdtr giftar seg [2. november 1866](#)^[#16] med **Nils Andreas** Antonson. Han vart f 22/6-1835 på [Bukkskinn](#) i Lenvik, dpt [16/8 s.å.](#)^[#72] og konf [3/10-1852](#)^[#39]. Paret får ikkje noko langt samliv, **Nils Andreas** dør knappe fire månader etter, [21/2-1867](#)^[u.nr.]. Dødsstad er [Ørsvåg i Vågan](#) i Lofoten, og ein lyt tru at han var på «[Lofotfisket](#)». I kyrkjeboka for Vågan er han saman med mange andre notert med «*Begravelsesdatum*» [24. juni 1867](#)^[#6], men dette er truleg «jordefstingsdato».

[4. november 1873](#)^[#29] giftar enkja **Anna B** seg med enkjemann **Henrik Johan** Hansen. Han var f i [Grunnvåg](#) 10/9-, dpt [8/10-1837](#)^[#101] og konf [30/9-1855](#)^[#26]. Ved giftarmålet bur han i [Lanesbogen](#). Foreldra hans var [Hans Olsen](#) og [Johanna Andreasdtr](#), Det synest som om dei har starta ekteskapet litt på forskot, sonen **Sivert Edvard Norman B1** var f 8/5-1873 og dpt [27/7-1874](#)^[#77]. Han vert ikkje gamle barnet, han dør alt [13/1-1874](#)^[#27] og vert jordfesta 1/7-1875. **Albertine Sofie B2** vert f 30/4-1874 og dpt [18/10-1875](#)^[#150], konf [14/7-1889](#)^[#65]. Familien er ved [FT1875](#) registrerte i Lanesbogen ([Svartfjeld](#)) lno 158a i Lenvik. Sonen **Sivert Johan Meyer B3** kjem til verda 4/6-1877, han vert dpt [10/6-1878](#)^[#17] og konfirmert [2/10-1892](#)^[#14]. **Anna B Syversdtr** dør [4.juledag 1878](#)^[#8], jordf. [Kårvik gravplass](#) 19/7-1879. Ho fekk ikkje lang tid saman med borna sine, men ho gav dei livet i gåve.

Sivert Johan B3 bur ved [FT1891](#) saman med far og stemor i Svartfjeld. Grunnboksbladet for Svartfjeld gnr 77/1 i Lenvik syner at han og systera **Albertine B2** fekk arvelott etter mora [9/1-1882](#). Ved [FT1900](#) er **Sivert Johan** «*Grubearbeider*» i [Moskogaisa \(Birtavarre gruver\)](#) i Kåfjord, Lyngen. Ein vil tru det er gjennom yrket sitt han møter henne som skal bli kona hans. [9. oktober 1902](#)^[#4] giftar han seg i

(Salt)[Straumen](#) kyrkje med **Inga Lovise Pauline Lundkvist**, dotter til husmann [Johan Anton Lundkvist](#) og [Lina Kristine Pedersdtr.](#) **Inga Lovise** var f på [Løding](#) i Bodin 3/1-, dpt [1/5-1881](#)[#32], konf Bodin [16/8-1896](#)[#10]. [FT1900](#) syner henne som tenestjente på Hauan under [gnr 69/1](#) i Bodin herad.

Då eldste dottera vert fødd 1/7-1903, har foreldra tilhald på [Furuhaugen i Sulitjelma](#), Fauske herad. Jenta får namnet **Helga Juliane** ^{B31} i [Fauske kyrkje 30/3-1903](#)[#19]. Faren er nemnd «*Grubearb.*». Furuhaugen er bustad også då **Arthur Rikard** ^{B32} vert f 4/4-, dpt Fauske [2/7-1905](#)[#15]. No er faren skriven «*Værksarb.*». Så flytter familien til [Folldals gruver](#) der **Jenny Lovise** ^{B33} kjem til verda 2/12-1906. Ho vert dpt i [Folldal kyrkje 1/4-1907](#)[#9]. Faren er «*Værksarb.*». Men då **Signe Ingvarða** ^{B34} vert f i Bodø 22/5-, og dpt [19/7-1908](#)[#32] er faren «*Stenarb.*». Innan neste barn kjem til verda er familien flytta til [Ramsvik](#) på Landegode i Bodin herad. Her vert **Petrine Johanne** ^{B35} fødd 7/2-, dpt [10/7-1910](#)[#25] og konf. Bodin [11/6-1926](#)[#44]. Familien bur ved [FT1910](#) i Ransvik. **Sigvart** ^{B36} f 7/8-, dpt [10/9-1911](#)[#30], død [14/9-1911](#)[#27], gravl 2/9 s.å. **Alfhild Marie** ^{B37} f 14/2-1913, dpt [7/7-1914](#)[#20], konf [1/7-1928](#)[#3]. **Esther Pauline** ^{B38} f 20/2-, dpt [5/7-1915](#)[#10], konf [29/6-1930](#)[#9]. **Ingvald Parelius** ^{B39} f 27/9-1916, dpt [25/6-1917](#)[#19], konf [21/6-1931](#)[#25]. **Margit Emilie** ^{B3X} f 13/8-1918, dpt [23/6-1919](#)[#13], konf [25/6-1933](#)[#32]. **Alf** ^{B3Y} f 4/11-1921, dpt [2/7-1922](#)[#12] og til sist **Hildur Johanna** ^{B3Z} f 14/4-, dpt [7/9-1924](#)[#20]. – Vi kan og ta med at **Jenny Lovise** ^{B33} vart konf i Bodin [18/6-1922](#)[#27] og systera **Signe Ingvarða** ^{B34} konf i Bodin [15/6-1924](#)[#37].

Sivert Johan ^{B3} døydde av slag i Ramsvik [19. mars 1929](#)[#9]. Han vert gravl. i Bodin 27. mars s.å. **Inga Lovise** døyr 19. mars 1958, ho er gravl saman med ektemann og borna . **Sigvart** ^{B36}, **Signe Ingvarða** ^{B34} død [23/5-1927](#)[#14], **Petrine Johanne** ^{B35} død [17/12-1939](#) og **Jenny Lovise** ^{B33} d 1942.

Helga Juliane ^{B31} vert konf [30/6-1918](#)[#13]. Ho gifta seg [17. juli 1925](#)[#12] med **Håkon Johan Jensen**. Han var f 30/4-1900 på [Lyngvær](#) i Bodin, dpt Bodø bysokn [5/8-1900](#)[#51], konf Bodin [4/7-1915](#)[#15]. Foreldra hans var fiskar [Oluf Jensen](#) og [Marie Brandsæter](#). **Helga Juliane** ^{B31} giftar seg oppatt, hjå sorenskrivaren i Salten, [9. november 1942](#)[#37b] med fiskar **Peder Andreas Selnes**, f [Grønvik](#) 11/4-1890, dpt Bodø landsokn [1/6-1890](#)[#47], død [6/5-1952](#), begr. Bodin kyrkjegard. **Helga Juliane** ^{B31} døydde [17/5-2000](#).

Arthur Rikard ^{B32} vert konfirmert i Bodin [20/6-1920](#)[#7]. Giftarmål er er registrert, hjå Sorenskrivaren i Salten og innført i Bodin Ministerialbok [20. august 1942](#)[#25b]. Brura er frå same prestegjeld, og heiter **Marie Antonette Karlsen**. Ho vart fødd på Vokøy 10/5- og døypt [15/6-1913](#)[#13]. Ho er dotter til fiskar [Karl Laurits Marcelius Karlsen](#) og [Petra Bergitte Johannesdtr.](#) DIS-gravmenner fortel at **Arthur Rikard** ^{B32} døydde [17/4-1984](#) medan **Marie Antonette** levde fram til [18/7-2006](#). Båe kviler på Bodin gravplass i Bodø.

Alfhild Marie ^{B37} og **Olaf Pareli Johansen** tok turen til sorenskrivaren [21. august 1944](#)[#19b]. Brudgommen er fiskar med bustad Brønnøy, fødd der 22/7-1907, men dpt i Bodin [25/8-1907](#)[#24], konf Bodin [18/6-1922](#)[#24]. Han døydde [9/1-1971](#) og er gravlagd på Helligvær gravstad. Foreldra hans er gardbr. [Johan Johannesen](#) og [Danna Pedersdtr.](#) **Alfhild Marie** ^{B37} døydde [25/11-2006](#) og kviler på Bodin kyrkjegard.

Esther Pauline ^{B38} legg også vegen til sorenskrivaren i Salten. [11. september 1942](#)[#18b] vert ho vigd til fiskar **Hans Peter Kvig**, son til Markus O M Henriksen og Edvarda Amalie Hansdtr. Han er f 23/6- og dpt [23/8-1910](#)[#32] i Bodin. Her vert han òg konfirmert, [21/6-1925](#)[#13]. Han døyr [9/9-1996](#), **Esther Pauline** ^{B38} lever fram til [13/7-2011](#). Båe kviler på [Landegode gravstad](#).

Sorenskrivaren i Salten utfører [2. mai 1944](#)[#11b] også vigsla til **Ingvald Parelius** ^{B39} og **Magda Birgitte Stordahl**. Ho er fødd i [Stordalen](#), Bodin 19/6-1921 og dpt i [Kjerringøy krk.](#) [25/5-1922](#)[#4]. Foreldra hennar er gbr [Hagerup Hansen](#) og [Mathilde Martinson](#). til **Ingvald Parelius** ^{B39} fekk ved «*Justisdepartementets bevilling av 18/1-1963*» løyve til å ta ettermanmet **Ramsvik**. Han døyr 16/3-1904 og er gravlagd på Landegode gravstad.

Alf ^{B3Y} fekk ved «*Justisdeptet bevilling 26/3-67*» løyve til å ta ettermanmet **Berg**. DIS-gravminner syner at han [døydde 29/9-1965](#). Han kviler på Bodin gravplass saman med **Hjørdis** (11/10-1915 – [4/8-1980](#)).

- Ein kan undre seg over alle giftarmåla hjå sorenskrivaren i Salten frå 1. juni 1942 og utetter. Det har truleg sterk knyting til [striden mellom kyrkja og nazistyre](#). ([Kyrkjefronten](#))

Jørgen Syverson ^C giftar seg i Lenvik [21. september 1866](#)[#9] med **Elen Hansine Martinusdtr.** Ho er dotter til gaardbr. [Martinus Henrikson](#) og [Anne Christensdtr](#) og er f i Lenvik 16/4-, dpt [22/5-1847](#)[#24] og [konf 2/8-1863](#)[#9]. Ved [FT1865](#) er ho tenestjente i Troldvik lno 18a i Lenvik prgj.

Paret får desse borna: **Marie Andrea** ^{C1} f 16/2-, dpt [14/7-1867](#) [#8], konf [23/7-1882](#) [#53]. **Ragnhild Petrea** ^{C2} f 4/3-, dpt [8/8-1869](#)[#30], konf [13/7-1884](#)[#69]. **Hanna Bertine** ^{C3} f 3/3-, dpt [30/1-1871](#)[#60], konf [3/7-1887](#)[#19]. **Sivert Kristian** ^{C4} f 20/3-, dpt [20/7-1873](#)[#55], konf [16/10-1887](#)[#34].

Fredrik Mathias Kristian ^{C5} f 27/4-, dpt [4/7-1875](#)[#21], konf [12/10-1890](#)[#20], død [6/3-1907](#)[u.nr] . Familien finn vi ved [FT1875](#) busett på Troldvik lno. 19 i Lenvik. **Hans Karolus** ^{C6} er f 24/7-, dpt [9/9-1877](#)[#118], konf [25/10-1891](#)[#43]. **Henriette Benedikte** ^{C7} f 19/6-, dpt [14/8-1881](#)[#32], konf [26/7-1896](#)[#7]. **Hagerup Nikolai Meier** ^{C8} f 2/10-, dpt [30/12-1883](#)[#63], konf [25/9-1898](#)[#12]. **Helga Amalie** ^{C9} f 27/5-, dpt [15/8-1886](#)[#49], konf [15/7-1900](#)[#14].

Jørgen Syverson ^C får «auksjonsskjøde» på Troldvik lno 17. (seinare gnr. 43/6 i Lenvik) 19. november, [tinglyst 12. desember 1870](#). Det vert frådelt bnr. 20, 21 og 22 ved «*skylddeling «afh10, afh11 Juli 1905»*». **Hans Jørgensen** ^{C16} får skjøte datert 30/12-1909, tgl ½-1910. Svigeronen **Albert Kjærvik** får «*Skifteskjøde*» tgl. 1913. [FT1891](#) syner familien busett i Troldvik lno. 17a1a i Lenvik. ([Husliste](#). Personsedar: [1](#), [2](#), [3](#), [4](#), [5](#), [6](#), [7](#), [8](#), [9](#)). Troldvik gnr. 43/6 er bustad ved [FT1900](#) medan Troldvik [gnr. 43/8](#) i Finsnes-Sletnes teljekrins er bustad i [FT1910](#).

Jørgen «Sivertsen» dør i Trollvik [1. desember 1910](#)[#28]. Dødsårsak er «*Mavekreft*». Gravferd og jordfesting er 7. desember s.å. - «*Kaarenke*» **Ellene Sivertsen** f 1847 dør av «*Kreft*» i Trollvik [21. mai 1928](#)[#15]. Gravferdsdato er skrive 10/5, det lyt vera feil! - Jordfesta 21. september 1929 godtek vi.

Marie Andrea ^{C1} vart [4. januar 1889](#)[#2] gift med **Oluf Leonard Larsen**. Han var son til **Lars Isak Olson** og **Kirsten Anna Jørgensdtr.** Han var f i [Sandvik](#) 8/3-, dpt [29/7-1866](#)[#56], konf [16/10-1881](#)[#19]. Han er i [FT1875](#) registrert i Sandvik lno. 11 i Lenvik herad.

Dottera **Lovise Erika** ^{C11} vert f i Trollvik 14/7-, dpt [23/9-1889](#) [#73], konf [26/6-1904](#)[#13]. **Jendine Kristine** ^{C12} f 6/4-, dpt [2/8-1891](#)[#51], konf [18/6-1905](#)[#30]. **Johan Eng** ^{C13} f 22/3-, dpt [30/7-1893](#)[#47], konf [4/10-1908](#)[#19]. **Kirsten Amalie** ^{C14} f 26/6-, dpt [18/8/1895](#)[#38] , konf [10/7-1910](#)[#21]. **Signe Lorentine** ^{C15} f 18/4-1898, dpt [27/8-1899](#)[#71], konf [13/7-1913](#)[#16]. **Martha Henriette Johanne** ^{C16} f 18/5-1900, dpt [1/9-1901](#)[#49], konf [4/7-1915](#)[#19]. **Lars Andreas** ^{C17} f 20/6-1902, dpt [18/10-1903](#)[#84]. **Olaf Brynhjulf** ^{C19} f 30/8-1908, dpt [25/9-1909](#)[#20]. Familien er i [FT1891](#) busett i Troldvik lno 17a1a - Personskjema [f.o.m t.o.m](#)) medan dei i [FT1900](#) residerer i Troldvik gnr 43/8 i Lenvik. No arbeiderer **Oluf Larsen** ved «*dampskibsekspeiditionen*». I [FT1910](#) er dei busett på [Nordgaard gnr 43/21](#) i Lenvik. **Oluf Larsen** fekk [10. juli 1905](#) skjøte på bruket av svigerfaren *Jørgen Sivertsen*.

Lovise Erika ^{C11} gifta seg i Lenvik [29. juli 1915](#)[#4] med **Hans Herman Olivus Johansen**, f 19/4-, dpt [29/6-1890](#)[#18], konf [2/10-1904](#)[#42]. Han bur saman med foreldra, **Johan Andreasson** og **Sofie Pedersdtr.** på Laukhella stote gnr. 60/1 i Lenvik både ved [FT1900](#) og [FT1910](#).

Jendine Kristine ^{C12} finn karen **Nils Andreas Gottlibsen** og ekteskapet vert stifta [18. april 1912](#)[#6]. Han var fødd 25/2-, dpt 8/6-1890 [#] , konf 1/10-1907 [#] . Han er registrert på Lauknes gnr. 7/9 i Lenvik ved [FT1900](#) og [FT1910](#). Foreldra er gbr **Hans Edvard Gottlibsen** og **Gjertrud Nilsdtr.** **Nils Andreas** og **Jendine Kristine** ^{C12} får borna **Håkon Gjover** ^{C121} f 7/6-, dpt [8/9-1912](#)[#55]. **Olav Sigmund** ^{C122} f 5/3-, dpt [6/9-1914](#)[#48], død [6/10-1977](#), gravl. 11/10-1977 ved [Berger krk.](#) Svelvik, Vestfold saman ned **Nelly** (13/8-1912 – 15/2-1997). **Marie** ^{C123} er f 25/7-1916 på [Kraknæs](#) og dpt [5/4-1917](#)[#5]. Eg kjem attende til førenamnet Jendine ved slutten av denne stubben.

Lars Andreas ^{C17} står brudgom [20. juni 1929](#)[#11]. Brur er **Paula Jakobine Antonsen** f på Slettmø i Tranøy1/5-, dpt [21/7-1907](#)[#10]. Ho bur ved [FT1910](#) saman med foreldra, **Anton Andersson** og **Jensine Oline Pedersdtr** på Slettemoen (Solid nordre) [gnr 29/3 i Tranøy](#) herad.

Ragnhild Petrea ^{C2} gifta seg i [Brønnøy krk 22. desember 1895](#)[#15] med **Søren Severin Sørensen**. Ved giftarmålet er han «*Inderst*» på Osmoen i Brønnøy. Han er f på Strømsnes i Lenvik 29/3-, dpt [10/7-1870](#)[#46], konft [3/10-1886](#)[#14]. Han er ved [FT1875](#) saman med foreldra, gmd **Søren Berg Andersson** og **Severine Birgitte Rasmusdotter**, registrert på [Strømsnæs](#), løpeno.43b2 i Lenvik. Innan dei gifta seg hadde **Søren** og **Ragnhild Petrea** ^{C2} vorte foreldre til **Emil Andreas** ^{C21} f 4/8-, dpt [26/12-1895](#)[#48] , konf Lenvik [10/7-1910](#)[#11]. **Søren Berg Moen** ^{C22} er f i Brønnøy 17/3-1899. Han er notert saman med foreldre og bror ved [FT1900](#) i Troldvik gnr 43/6 i Lenvik. Han vert gift [1. november 1936](#)[#1] med **Alida Marie Tomasen**. **Elen Jørgine** ^{C23} f 23/10-1902, dpt Lenvik [27/9-1903](#)[#57]. **Henriette Bendikte** ^{C24} f 7/9-1905, dpt [5/8-1906](#)[#15]. **Fredrik** ^{C25} f 17/10-1906, dpt [17/7-1907](#)[#10], gift [30/6-1938](#)[#4] med **Sigrid Danielsen**. **Ruth Sørense** ^{C26} f 22/8-1908, dpt [18/9-1909](#)[# 62]. **Søren, Ragnhild Petrea** ^{C2} og borna bur ved [FT1910](#) på [Moen, gnr 29/7](#) i Rossfjord teljekrins, Lenvik.

Hanna Bertine ^{C3} finn seg også ein ektemake frå prestegjeldet. **Henrik Kristian Berg Pederson** var f på [Lavold](#) i Lenvik 29/5-, dpt [29/8-1869](#)[#87], konf [3/10/1886](#)[#47]. Han er son til ungk. **Peder Johannesson** og pige **Hansine Jørgine Kristensdtr.** Ved [FT1875](#) er han «*Fostersøn*» hjå Kristen Henriksen og Kristiana Rask på Leknes lno 21b i Lenvik. Han gifter seg med **Hanna Bertine** ^{C3} [22/11-1897](#)[#21]. Ved [FT1900](#)[#013&014] bur dei på [Stenmoen gnr 42/7](#), ti år seinare, ved [FT1910](#), er dei busette på [Leikneshougen gnr 42/12](#) i Lenvik. Sonen **Halfdan Peter Berg** ^{C31} er f på [Stornæs i Sørreisa](#) 4/4-1898,

dpt i [Sørreisa krk. 16/7-1899](#)^[#10] og konf i Lenvik [4/10-1914](#)^[#3]. Veslebroren, **Jørgen Ferdinand** ^{C32} vart f i [Rørvik, Leknes](#) 19/4-, dpt [18/7-1912](#)^[#10], konf [26/9-1926](#)^[#17]. - **Halfdan Peter Berg** ^{C31} gifta seg i Lenvik [10. september 1932](#)^[#11] med **Jenny Borghild Jespersen** f Trollvik 23/3-, dpt [11/8-1901](#)^[#35], konf [29/7-1917](#)^[#18], dotter til gbr [Jesper Lorentsen](#) og [Nikoline Bertine Hansen](#). Ho er ved [FT1910](#) notert saman med foreldre og sysken i [Trollvik gnr. 43/3](#) i Lenvik.

Elise Sigvarda Thomasdotter er namnet på ho som vert kona til **Sivert Kristian** ^{C4}. Ho er f 27/9- på [Finnfjordeidet](#), døpt [1/7-1882](#)^[#10] og konfirmert [11/7-1897](#)^[#11]. Ved [FT1900](#) bur ho saman med foreldra, [Tomas Olai Sørensen](#) og [Marie Olsdtr](#), og syskena sine på [Finnfjordeidet gnr. 23/1](#) i Lenvik herad. **Elise Sigvarda** og **Sivert Kristian** ^{C4} gifta seg i Lenvik [2. januar 1905](#)^[#1]. Dei vert foreldre til **Jørgen Emil** ^{C41} f 9/3-, dpt [2/8-1908](#)^[#25], **Marie Therese** ^{C42} f 22/2-1910, dpt [6/8-1911](#)^[#28], konf [28/6-1925](#)^[#39] og **Signa Elise** ^{C43} f 27/6-1914, dpt [29/7-1915](#)^[#12]. Ved [FT1910](#) driv familien landhandel på [Krokstad gnr. 43/20](#) i Lenvik.

Hans Karolus ^{C6} vert [17. juli 1907](#)^[#5] gift med **Helga Thomasdtr**. Ho er veslesyster til førnemnde *Else Sigvarda* og er f på Finnfjordeidet 9/4-, dpt [1/8-1886](#)^[#41], konf [15/6-1900](#)^[#19]. Ho er tenar på Finnfjordeidet gnr. 23/1 ved [FT1900](#). Sonen **Fredrik Mathias** ^{C61} kjem til verda 22/12-1907, dpt [2/8-1908](#)^[#26]. **Jørgen Eng** ^{C62} f 1/1-1910, dpt [6/8/1911](#)^[#27]. **Hans Karolus** ^{C6} døydde i Trollvik [1/12-1910](#)^[#32]. [FT1910](#) syner at **Helga Jørgensen** og sønene **Fredrik** og **Jørgen** no bur hjå sviger-/besteforeldra i Trollvik gnr 43/8.

Helga Amalie ^{C9} har vorte kjend med ein kar frå Dyrøy. Han heiter **Albert Leonhard** og er son til **Jørgen Antonson** og **Else Marie Rasmusdtr**. Han var f i Liasletten i Tranøy prgj. 23/6-, dpt i [Dyrøy kyrkje 7/8-1881](#)^[#11] og konf i [Tranøy krk. 28/6-1896](#)^[#5]. Han bur ved [FT1900](#) saman med foreldre og sysken i [Fagerlid gnr 27/3](#) i Dyrøy herad. **Albert** og **Helga Amalie** ^{C9} seier «ja-orda» i Dyrøy kyrkje [18. oktober 1908](#)^[#3]. Sonen **Jørgen Emil** ^{C91} vert f i Liasletten 12/8-, dpt i Dyrøy krk. [17/10-1909](#)^[#20], konf Lenvik [5/10-1924](#)^[#4]. Familien bur ved [FT1910](#) framleis på Fagerli (Lien) gnr 27/2 i Dyrøy. Her er òg svigerfaren, **Jørgen Sivertsen** midlertidig busett. – Dei har flytta til Trollvik då sonen **Einar Johan** ^{C92} vert f 14/4-, dpt [18/7-1912](#)^[#11], konf [26/9-1926](#)^[#2]. Dei to yngste borna er òg fødde i Trollvik: **Sivert Kristian** ^{C93} f Trollvik 16/6-, dpt [29/7-1915](#)^[#12], konf [28/9-1930](#)^[#11]. **Hallfrid Julie** ^{C94} f 9/8-, dpt [15/10-1922](#)^[#71].

Einar Johan ^{C92} giftar seg [20. september 1933](#)^[#20] med **Hilma Pauline Elida Eilertsen**. Ho er f på [Helgenes i Hadsel](#) i Vesterålen 13/1-1912, dpt i [Hadsel kyrkje 20/7-1913](#) ^[#42]. Ho er dotter til [Alfred](#) og [Petra Eilertsen](#), Dei bur ved [FT1910](#) på Vestergaarden gnr 6/5 i Hadsel herad.


Til denne stubben har eg funne mange gode leietrådar på nettsida « [berglungs-slekter.priv.no/slekten/](#) »



På tur med «Hurtigruteskipet Vesterålen» frå Finnsnes til Tromsø - - [28. februar 2011](#) Foto: OHF

Du kan (g)jerne heite (G)Jendine utan å vera fødd under (G)jendineggen

I arbeidet med føregående stubb kom eg for fyrste gong i kontakt med førenamnet **Jendine**. Som dei fleste andre, har eg høyrte «[Gjendines bårsull](#)» - og historia om at jenta fekk namnet sitt fordi ho var fødd i Gjendebu. [Her er artikkelen](#) i Norsk Biografisk Leksikon - [Tekst og notar](#) hjå «Musikkrom» - og [ei innspeling](#) med «Gåte». Innførsla i kyrkjeboka kjem nedanfor:



No var ho Kaja **Gjendine** fødd 15. juli 1871, medan den eldste **Jendine** eg kom over i folketeljningane, Jendine Henriksdtr, kom til verda i Tromsøsund i 1828. No finn eg inga Jendine døypt i Tromsø i 1828 – det er eit par Jensiner – men [dåpsinnførsler #30, 14. juni 1829](#) syner at **Jendine Sicilie**, fødd 4. mars, dotter til «gm David Abrahamsen og k Ingeborg Johannesdtr Sandvig» fekk namnet sitt ved dette høvet.



Tabellane nedanfor syner kor mange som bar førenamn JENDINE ved teljingane i 1801,-65,75 og 1910

Jendine	1801	1865	1875	1910
Nordland	0	1	3	2
Troms	0	7	28	69
Finnmark	0	0	3	8
Andre	0	1	2	3
Tromsøsund			6	17
Lenvik		2	12	13
Hillesøy				9
Balsfjord		4	3	7
Malangen				5
Tromsø by			3	4

Gjendine	1801	1865	1875	1910
Oppland				1
Finnmark				1



I desse bøkene hjå «[Nasjonalbiblioteket](#)» er søkt etter **namnet Jendine** – utan tilslag!

Eivind Vågslid: [Norderlenske fyrenavn](#)
Assar Janzén: Nordisk Kultur VII [Personnamn](#)
Ludv Bru: [Norske folkenamn med tydingar](#)
Anne Svanevik: [Den store navneboken](#)

Ivar Aasen [Norsk Navnebog](#)
Ostereidet mållag; [Pene namn](#)
Olav Veka: [Namneboka](#)
Kristiansen og Ouren: [Fornavn i Norge](#)

Fødde på Bukkskinn Med far frå Slidre – og mor frå Hjelmeland?

Vi tek ikkje turen bort frå Lenvik innan vi har sveipa innom han **Erik Andersson**. Då han vert gift, i Lenvik prgj. «[2^{den} Sept](#)» [1848](#)^[#5] fortel Ministerialboka at han er fødd i «Valders» og bur på «*Bukkeskind*». «[Norske Gaardenavne](#)» fortel at namnet har opphav i «*skinnskyld*» («[Jordens Landskyld eller den avgift som betales af den](#)»). Ved [FT1801](#) er nytta skriveforma «*Bukskind*». Eg går ut frå at dette ikkje er «*Buk*» i meininga ein Nord-Østerdøl ville lagt i omgrepet.

Ho som vert ektemaken til Erik, heiter **Ingri Haraldsdtr** og er 32 år gamal. Fødestaden hennar er skrive Hjelmeland. Så langt eg skjønar – peiker dette på [Hjelmeland prestegjeld](#) i Ryfylke. Men det finn eg inga **Ingri Haraldsdotter** med «rett» alder.

Kven er så **Erik Andersson** ? - Ministerialboka for Slidre prgj. syner at guten **Erik** får namn [20. juli 1817](#)^[#38], og at han var fødd den 11. juli. Foreldra er skrivne [Anders Erichs Moe](#) / [Anne Svens](#). Fadderane kjem frå [Neste](#), [Tvenge](#) og [Prestegaarden](#) – det er rimeleg å tru at guten vart døypt i Slidredomen. Det er ingen Erik Andersson konfirmert i «høveleg» tidsrom, korkje i Vestre eller Øystre Slidre – så guten er truleg borte frå området innan dei startar å føre ut- og innflyttingslister i Slidre.

Ingri og **Erik** vert foreldre til tre born: **Andreas Bernet** f 14/5-, dpt i Lenvik kyrkje [10/9-1848](#)^[#135], konf [31/7-1864](#)^[#17]. **Anne Gurine** f 16/2-, dpt [16/5-1853](#)^[#16], konf [10/7-1870](#)^[#52] og **Hans Kristian** f 27/2-, dpt [29/6-1862](#)^[#61]. Dei to eldste har fått skriveforma «*Bukkeskind*» som fødestad medan den yngste er nemnd med «*Bukskind*». - Så har nok 'Bukken' rista Valdrisen og familien vekk frå skinnet. Familien bur ved [FT1865](#) på [Bundjord](#) i *Søndre Indland* teljegrins i Lenvik herad. Erik er «*Husmand med jord*» og smed.Ho **Ingri** Haraldsdtr er her nemnd med fødestad «*Hjertdalens Prgj.*» som bør peike til Hjartdal i Telemark. Men heller ikkje der er ei **Ingri** med fødselsår kring 1834 og far med namn Harald å oppdriva.

Erik Andersson vert enkjemann [1. juli 1873](#)^[#54]. **Ingri** vert gravlagd på Kaarvik kyrkjegard og jordfesta 13. oktober s.å. Ved teljinga i [1875](#) bur **Erik**, **Andreas Bernt** og **Hans Kristian** på Leiknæs, løpenr. 20a i Lenvik herad. Dersom «*Bukkespælen*» hadde vore lengre – hadde saga vore det same



Fotografen Gabriel

*Å gjera kvitt til svart – er gjort i ein fart
Å gjera svart til kvitt – er ikkje alltid - å reinse for skitt
Kjemien må kjennast ved b e h ve
P  «M rkerommet» - der kan du pr ve !*

(Foto l nt fr  www.preusmuseum.no)




Gabriel var fødd på [Lunde i Etnedal](#) 24. mai 1825. [10. juli same  r](#)^[#51] vart han gjevne namn ved d ypefonten i [Bruflat kyrkje](#). Han var son til [Anders Olson](#) (1794 – 1887) og [Gunhild Gudbrands-](#) dotter fr  [Haugsrud](#) (1791 -). Han sto til konfirmasjon i [Bagn kyrkje](#) [25. august 1839](#)^[#44]. **Gabriel** er nemnd i «*Gard og bygd i Etnedal*», band C – [side 321](#).

Kvar **Gabriel** hadde l rt fotografikunsta   kjenne, det seier saga ikkje noko om. Men ved [FT1875](#) finn vi karen «*logerende*» p  [Senjens Nikkelv rk](#) i [Hamn](#), Berg prgj. 10  r seinare fortel Klokkarboka for Senja Nikkelverk at «*Fotografugift Gabriel Lunde f 1835, S ndre Aurdal i Valders*» d yde p  «*Senjens Verk*» [25. oktober 1885](#)^[#4]. D ds rsak er notert som «*Vattersott*». Han vart gravlagd 31. november 1885 og jordfesta 4. juli 1886.

Eit s k p  nettsida med «[Registre over norske fotografer](#)» gjev inga tilslag for **Gabriel**, men han hadde nok vore p  reise (med eller utan kamera) fleire stader i den nordlege landsdelen. Ei innf rsl  i kyrkjeboka for Tana prgj. syner at han [4. juli 1865](#)^[#5] er forlovar d  [Kirsten Nilsdotter](#) fr  Ulnes i Valdres giftar seg med [Tore Olson](#) fr  Eidskog i Vinger. – S  neste stubb f r ta for seg av Ulnes-bygdingar og Hemsed ler som flytter nordover til området som fostra «[Tanabreddens ungdom](#)»

Sidan vi er innom Berg prgj., kan ein vel minne om [Ingrid Bjerk s](#), fyrste kvinnelege prest i Den norske kyrkje.

Finmark / Finnmarkku fylke



Kjelde...	Tal personar frå Valdres
FT1865	9
FT1875	6
FT1885	6
FT1900	8
FT1910	10
Innflytting	
Giftarmål	3
Gravferder	7

Frå Ulnes via Gausdal til Tana

Men «sør for det aude hav»

Kompasskursen er endra frå ein [boktittel](#) – Forfattarinna var fødd i Valdres.

Året er 1814 og staden er [Svenes kyrkje](#). Ved messa [18. april](#)^[Vside,3.nedanfrå] vert sonen til [Ellend Arneson](#) og [Maria Andersdotter](#) døypt – han får namnet **Nils**. Faddrane kjem frå [Hippe](#) i Ulnes sokn og [Viste](#) i Røn sokn, Slidre prgj. - [Ellend Arneson](#) var fødd på [Ryeeige](#) og vart døypt i [Ulnes kyrkje](#) [14. august 1844](#)^[Vside,4.nedanfrå], konfirmert i Svenes [27. juli 1890](#)^[H side,Hspalte] Ved [FT1801](#) er han «*National soldat*» med tilhald på Gøe. Foreldra hans er *Arne Tordsson Ryeejer* og *Kirsten Erlandsdtr.*

«*Sergeant Anders Stange og hust Berte Iversdat*» døyper dottera [Maria Andersdotter](#) i Ulnes [28. mai 1780](#)^[Hside,5.nedanfrå]. Jenta har faddrar frå [Ulnes](#), [Sæter](#) og [Steinde](#) samt prosteenka «*madame Ane Sophie Landt*». [Maria](#) vart konfirmert i Aurdal kyrkje [12. juli 1795](#)^[Vside,H spalte,9.nedanfrå]. Ved [FT1801](#) bur ho saman med faren og broren Johan på Ringsager/Ringisåk i Ulnes. Ho gifter seg med [Ellend Arneson](#) [7. mai 1809](#)^[Vside,4.nedanfrå]. Dei hadde nok starta samlivet noko før. Dottera **Berit** er ført opp i avsnittet «*Uægte Børns Daab*». Ho vart døypt i Ulnes kyrkje [31. juli 1808](#)^[Vside,nedst].

Så flytter vi blikket vestover. I [Hemsedal](#) finn vi eit anna syskenpar. **Einar Embretson** vart fødd på [Grøtoeige](#) og vert døypt i [Hemsedal kyrkje](#) [30. september 1804](#)^[#153]. Systema **Margit** vert døypt [31. mai 1807](#)^[#103]. Dei høyrer til barneflokket til paret [Embret Olson](#) (frå [Imre](#)) og [Sygni/Signe Einarsdtr](#) frå Grøto. Dei er omtala i «*Hemsedals Slektshistorie*» på [side 184](#) (Grønaas). Dei er komne til Ulnes tidleg i 1820 -eller før. **Ener Engebretsen Sundem** vert konfirmert i [Skrautvål kyrkje](#) [30. juli 1820](#)^[#23]. Veslesyster **Margit** vert konfirmert i Ulnes kyrkje [1. august 1834](#)^[#12]. Så tek etter kvart romantikken over – og nye alliansar vert forma mellom syskenpara.

Einar/Ener Embretson gifter seg med **Berit Ellendsdtr** [19. mai 1834](#)^[#15]. **Nils Ellendson** og **Margit Embretsdtr** gåt inn i ekteskap [4. april 1836](#)^[#14].

Berit og **Einar** vert foreldre til **Engebret**^X (Embret/Embrik). Han vert f 15/4-, dpt [8/5-1936](#)^[#45]. Så kjem **Maria**^Y f 26/5-, dpt [2/6-1839](#)^[#28] og **Siri**^Z f 23/3-, dpt [16/5-1842](#)^[#10]. Borna er alle fødte på [Rugnus](#). –

Margit og **Nils** har desse borna til dåp i Nord-Aurdal: **Maria**^A f 27/7, dpt [14/8-1836](#)^[#51], **Kirsti**^B f 4/6-, dpt [8/9-1939](#)^[#36] og **Elling**^C f 2/9-, dpt [9/10-1842](#)^[#19]. Dei er alle tre fødte på Hippe, og 13 av 15 faddrar ved barnedåpane høyrer til i Ulnes sokn. - - Men no vert bae familiane fråverande i kyrkjebøkene for Ulnes.

Vi finn **Berit** og **Einar** att i [innflyttarlistene i 1845](#)^[#4-8] («*men anmeldt i 1846*») i [Gausdal](#), der dei har «*kjøbt gaarden Aspesletten i Svadsum*». Attesta deira er utferda av sokneprest Melby 19. mai 1845. Dei er nemnde saman med eit ektepar frå Skrautvål som har kjøpt søndre Forset (i Vestre Gausdal).

Berit og **Einar** har nok hatt fylgje med **Margit** og **Nils** på reisa til Gausdal. Dei døyper i 1845 kvar sin son i [Svatsum kyrkje](#). **Berit** og **Einar** kjem med sonen **Erland**^E f 18/4-, dpt [27/4-1845](#) ^[#6] medan **Marit** og **Nils** har med sonen **Johan**^D f 30/9-, dpt [26/10-1845](#)^[#11]. Borna er bae fødte på [Aspesletten](#), og både **Einar** og **Nils** er skrivne «*Gaardmand*». I februar 1846 er både **Nils Erlandson** og svogeren **Einar Embretson** nemnde i samband med fleire skjøter ([1-2-3](#)) for Aspesletten i Svatum sokn. Etter dette har eg ikkje sett Berit og Einar nemnde i Gausdal.

Panteregister for Gausdal syner at **Nils Erlandson** får skjøte på garden [Hovde](#), gml.matr.no. 49, nytt matr.no. 73 i Gausdal tinglag. Seljar er Ole Svendsen, kjøpesum er 1 500 Spd. - skjøtet er datert 31. oktober 1846 [og tinglyst 7. desember s.å.](#) – Nils skjøter garden vidare 2. mars 1850, kjøpar er Børre Svendsen, skjøta vert tinglyst 15. mars s.å.

Medan dei bur på Hovde kjem sonen **Nils**^E til verda 7/10- 1848. Han vert døypt i [Gausdal kyrkje](#) [22/10-1848](#)^[#138]. Guten får inga langt liv. Han [døyr 3/1-1850](#)^[#2] og vert gravlagd 14. januar s.å ved Gausdal kyrkje. **Maria**^A **Nilsdotter** er skriven Hovde då ho vert konfirmert i Gausdal kyrkje [12/5-1850](#)^[#4]. Veslesyster **Kjersti**^B er nemnd *Hanslien* ved konfirmasjonen i Svatum krk, [18. juni 1854](#)^[#7]. Då **Erland**^C **Nilsson** vert konfirmert, [3. mai 1857](#)^[#3] er bustadnamnet nærast uleseleg. Men han er innført i kyrkjeboka for Svatum. **Johan**^D har fått Aspesletten som «*Opholdsted*» ved konfirmasjonsinnførsla, og handlinga tok plass i Svatum kyrkje [24. juni 1860](#)^[#6].

Nils Erlandsen HoleEiet, 46 aar og «*hans søn*» **Erland Nilsen**, 18 aar, får [26./2-1860](#)^[#5&6] utflyttingsattest «*Til Trondhjem paa arbeide en Tid*».



Så – i 1865 – syner innførslene [#32,33 & 34](#), dagsett 9. juli – at **Nils Erlandsen Flinkflaat** 50 aar, hans kone, 45 aar, deres datter **Kirsti Nilsdtr**, 25 aar, har teke utflyttingsattest «til Tanen i Østfinmarken». «Manden flyttet for 5 Aar siden. Konen og Datteren i dag taget Attest».

I «[Juni Maaned](#)» 1864 er desse folka skrivne som innflytta til Fingervandet i Tana: «**Ungkarl Erland ^C Nilsen Hole-Eiet**» 22 aar [\[#5\]](#) «for at tage sin Næring ved Fiskeri og Dagarbeid», «**Pige Kristi Helene Knudsdr**» 25 aar – frå Manger [\[#6\]](#) «hun er ovenstaaendes forlovede», «**Nils Erlandsen Hole-Eiet, Huusmand**», 50 aar [\[#8\]](#) «For at ernære sig ved Skomagerarbeide» og «**Johan Nilsen Aspesletten**» 19 aar [\[#9\]](#) og «ovennevntes Søn».

«**Nordmandskone Marit Ingebretsdatter**» 41 aar [\[#4\]](#) og «**Pige Kristi Nilsdatter**» 26 aar [\[#5\]](#) er innskrivne i [august 1865](#) med merknad for Marit: «Hendes mand Nils Erlandsen flyttede hertil førre Aar og har nu hentet hende til sig» - og for **Kirsti**: «Datter av ovennævnte».

Ved [FT1865](#) finn vi **Nils, Marit, Kirsti** og **Johan** busett i [Fingervandet](#) i Tana.

Den fyrste av borna til **Margit** og **Nils** som fann seg ektemake – eller rettare sagt fekk med «den utkåra» fram til alterringen – var ho **Maria ^A Nilsdtr**. Ho giftar seg i «**Vor Frelzers**» kyrkje (*Oslo Domkyrkje*) [14. oktober 1861](#) [\[#67\]](#). Brudgomen heiter **Ole Larsen**. Han vart f 18/10-1839 på [Enggrav](#) i Gjerpen prgj. dpt i [Gjerpen kyrkje 26/12-1839](#) [\[#81\]](#) og konfirmert i Gjerpen [15/4-1885](#) [\[#23\]](#). Foreldra hans heiter **Lars Sivertsen** og **Malene Olsdtr**. Medan eg arbeidde med denne stubben kom dei [ei etter-lysing](#) hjå nettsida «*Norway Heritage*». (Av og til undrar ein seg over «slumpelukke») – Denne etterlysinga synte at Ole og Maria hadde emigrert til New Zealand. Eit par epostvekslingar seinare kom det for ein dag at **Ole** og **Maria** var barnlause, men at Ole fekk born i andre ekteskapet sitt. Heather kunne fortelja at **Maria ^A** døydd 17. november 1916 i [Terrace End, Palmerton, New Zealand](#) (Nordøya) og kviler på kyrkjegarden der - Anglican Block 35, plot 19&21.

Erland ^C Nilsson og **Kristi Helene Knudsdr** gifta seg i Tana prgj. [10. november 1864](#) [\[#8\]](#). Dei er ved [FT1865](#) busett i Ratsjok i Tana prgj. saman med dottera **Marie Birgitte ^{C1}**. Jenta var f 29/10- og dpt i Tana [13/11-1865](#) [\[#29\]](#). Mor hennar, **Kristi Helene** var fødd på [Håland i Manger](#) 25/12-, [dpt 29/12-1839](#) [\[#140\]](#) i Manger prgj. Ho vart konfirmert [15/10-1854](#) [\[#73\]](#). Ho er dotter til «*Grdbr Knud Johaness og Britha Thorkelsdr Haaland*». **Kristi Helene** fekk i [1863](#) [\[#13\]](#) utflyttingsattest frå Manger med reisemål «*Øxnæs i Nordland*». Det er notert at attesta er utferda i 1863 medan ho er «*udflyttet vaaren 1861*» Som nemnt ovanfor syner ho fram attesta frå sokneprest Kohren då ho kjem til Tana i juni 1864.

Marie Birgitte ^{C1} fekk etter kvart mange sysken. **Nora Konstance ^{C2}** f 8/8-1866, dpt [11/8-1867](#) [\[#15\]](#), død Sandlien [15/3-1876](#) [\[#18\]](#), gravl 25/3 s.å. **Ingeborg ^{C3}** f 27/5-, dpt [24/6-1868](#) [\[#12\]](#), konf [25/6-1882](#) [\[#6\]](#). **Martha Oline ^{C4}** f 10/9-1869, dpt [18/6-1870](#) [\[#12\]](#), konf [22/6-1884](#) [\[#11\]](#). **Kristine Johanna ^{C5}** f 8/5-, dpt [16/7-1871](#) [\[#21\]](#), konf [19/9-1886](#) [\[#25\]](#). Pauline ^{C6} f 22/3-, dpt [29/7-1873](#) [\[#26\]](#), konf [24/6-1888](#) [\[#18\]](#). **Otto Nikolai Kornelius ^{C7}** f 28/2-, dpt [11/7-1875](#) [\[#30\]](#), konf [22/6-1891](#) [\[#4\]](#). **Nora Konstance ^{C8}** f 17/9-1876, [dpt 2/7-1877](#) [\[#24\]](#), konf [26/1-1891](#) [\[#20\]](#). **Mathea Sofia ^{C9}** f 9/6-, dpt [14/7-1878](#) [\[#13\]](#), konf [25/6-1893](#) [\[#10\]](#). **Olaf Markus ^{CX}** f 8/2-, dpt [28/6-1890](#) [\[#9\]](#), konf [23/6-1895](#) [\[#2\]](#). Til sist kjem **Emilie Tonetta ^{CY}** f 17/9-1882, [dpt 29/7-1883](#) [\[#15\]](#), konf [20/6-1897](#) [\[#15\]](#).

Familien finn vi ved [FT1875](#) på Søndre [Sandlien](#). I [FT1885](#) er bustad notert Sandlien og det same ved [FT1891](#); [Husliste#20](#) – Personskjema [1](#) & [2](#). **Kristi Helene Knudsdr** døyr i Sandlien i Tana [1. oktober 1893](#) [\[#14\]](#) og vert gravlagd på Langnes gravplass 7. oktober s.å. – Ved [FT1900](#) er **Erland ^C Nilsson** enkjemann og busett på Birkesletten gnr. 11/8 i Tana saman med sonen **Otto ^{C7}** og dottera **Nora ^{C8}**. Han døyr i Sandlien [31. august 1907](#) [\[#12\]](#) og vert gravlagd på Langnes gravplass 21. september s.å. Dødsårsaka tyder på at han ikkje hadde berre gode dagar på slutten av livet.

Dottera **Marie Birgitte ^{C1}** vart [28. desember 1892](#) [\[#12\]](#) gift med **Johan Martin Andersson Rødli**. Han var f 20/12-1859 på [Røli i Sparbu](#), dpt [3/6-1860](#) [\[#4\]](#) i [Henning kyrkje](#) og konf [26/9-1875](#) [\[#17\]](#) (då skriven *Jon Martin Ryan*). Foreldre er inderst **Anders Olsen** og **Serianna Johnsdr**.

Marie Birgitte ^{C1} og **Johan Martin** bur ved [FT1900](#) på Elveland, gnr. 16 i Tana. Dei fekk borna: **Erling Kolbjørn ^{C11}** f 9/6-, dpt [10/9-1883](#) [\[#24\]](#), død [13/12-1884](#) [\[#15\]](#), gravl 22/12 s.å. (**DIS**). **Signe Andrea ^{C12}** f i Gulbojok 9/4-1894, dpt [30/6-1895](#) [\[#20\]](#), konf [26/6-1910](#) [\[#14\]](#), konf [26/6-1910](#) [\[#14\]](#). Ho døydd [20.](#)

[juli 1982](#) og vart gravl. på Langnes gravplass 26. juli s.å. - De kan lesa meir om **Signe** på Tana kommune si side om [kulturminnedagen 2013](#). Ei telefonsamtale med ei av **Signe** sine barnebarn fortel at familien kjenner godt til at dei har slektsrøter i Valdres. – **Håkon Einar** ^{C13} var f Golbokjok 21/9-, dpt [6/9-1896](#)[#25], konf [26/6-1910](#)[#1]. Han døydde av «[bukhinnebetennelse](#)» [29. mars 1914](#)[#8], gravlagd på Langnes gravplass (*Tanens kirkegård*) 11. april s.å., jordfesta 23. august. ([DIS-gravm.](#))

Martha Oline ^{C4} gifta seg [16/11-1894](#)[#8] med **Haagen Kristian Skjærvik**. Han kom vil verda på Bergum i Fosnes herad i Nord-Trøndelag 20/2/1864 og vart dpt i [Fosnes 29/5 s.å.](#)[#25]. Han vart konfirmert [12/10-1879](#)[#2]. Han er son til [Hans Kristian Nilsson](#) og [Olea Beata Olsdr.](#) Vi finn familien ved [FT1865](#) «*logerende*» på Bergum, Jøen(*Jøa*) teljekrins i Fosnæs herad. **Haagen** fekk i [1894](#)[#1] utflyttingsattest frå Fosnes med reisemål «*Tanen*». 1892 er skrive som utflyttingsår. **Martha** ^{C4} og **Haagen** vert 25/9-1898 foreldre til ein gur som [15/1-1899](#)[#2] får namnet **Halfdan** ^{C41}. Familien bur ved [FT1910](#) på Sandnes [gnr. 11/5](#) i Tana, ved [FT1910](#) er dei på Bakkvold gnr 16/20. [Ei nettside](#) fortel at **Halfdan** var handelsmann og døydde i 1997. Han var gift med Margit Schrøen (1899-1975). Paret hadde to born.

Mathea Sofia ^{C9} vart ektefelle til bakar **Mathis Söderström** [2. oktober 1900](#)[#2]. Innan dette giftarmålet hadde ho vorte mor til jenta **Elna Margit** ^{C91} f 3/2-, dpt i Vardø bysokn [16/4-1900](#)[#4]. Kyrkjeboka syner at far til jenta heitte [Knut Lindse](#). I ekteskapet med **Mathis** kom desse borna, alle fødte i Kiberg, til verda: **Gudrun Charlotte** ^{C92} f 30/4-, dpt [21/7-1901](#)[#6]. **Dagny Fredrikke** ^{C93} f 9/8-1892, dpt [11/7-1903](#)[#3]. **Sverre Marcelius** ^{C94} f 26/9-1903, dpt [7/10-1904](#)[#16]. **Olaf Nikolai** ^{C95} f og heimedpt [5/10-1905](#)[#30], død [same dag](#)[#12], gravl Kiberg 13/10-1905. **Erland** ^{C96} f 29/11-1906, dpt [17/8-1907](#)[#19]. **Kristian Selmer** ^{C97} f 25/11-1908, dpt [18/9-1909](#)[#17]. - **Mathis Söderström** var fødd i 1864 i Kunajärvi i Finland. Familien er ved [FT1900](#) registrert i Vardø landsokn, i 1910 bur dei i [Kiberg](#). Sonen **Sverre Marcelius** ^{C94} døydde under [dramatiske omstende](#) på [Kvaløya 9. oktober 1944](#). Han og kameraten *Alf Siblund* vart gravlagde på Hammerfest kyrkjegard i mai 1945. Minnestein vart sett opp på 1980-talet. På [bloggsida tidogrom](#) er **Sverre Söderström** med på eit av bileta. Ein [GENI-profil](#) har nemnt ein son Gunnar (1916-1954)

Olaf Markus ^{CX} får sonen **Asbjørn** ^{CX1} f 10/7-1912, dpt i Sør-Varanger [23/7-1914](#)[#41]. Mor til guten heiter **Emma Johansen**, men eg har ikkje funne vigsla i kyrkjebøkene. **Olaf Markus** ^{CX} er no nemnd «*Gruppearbeider*» og familien bur i Bjørnevatn. De kan finna ein artikkel om [A/S Sydvaranger](#) i «Store Norske Leksikon».

Tilliks med dei eldre syskena sine fann også **Johan** ^D **Nilsson** seg ektefelle som var fødd utanfor Finnmark. **Laura Johanne** Jessen kom til verda i Tromsø 13. juni 1851 og vart døypt [7. desember s.å.](#)[#306]. Kyrkjeboka fortel at foreldra var arbeidsmand [Lorentz Peter Jessen](#) og [Johanne Margrete Pedersdr.](#) [FT1865](#) for Tana syner at [Lorents](#) er fødd i Lenvik medan [Johanne](#) i [FT1875](#) er skriven med fødestad Tromsø.

Johan ^D og **Laura** tok steget inn i ekteskap [20. november 1869](#)[#7]. [FT1875](#) syner at dei då bur på Søndre Sandlien i Tana. Mor til **Johan** ^D, **Marit Ingebrigtsdr** f 1805* i Hallingdal bur same stad. Det var heller ingen mangel på born i husstanden: **Nils Lorentz** ^{D1} f 8/7-, dpt [28/8-1870](#)[#27], **Johanne Marie** ^{D2} f 12/11-1871, dpt [30/6-1872](#)[#19], konf [26/6-1887](#)[#4], død av [tæring 1/12-1892](#)[#3], gravlagd 7/12 same år. **Elen Sofie** ^{D3} f 28/7-, dpt [8/3-1874](#)[#5], konf [24/6-1888](#)[19], død [15/7-1962](#). gravlagd Birkestrand gravstad, Tana. **Petter Marinius** ^{D4} f 3/3-1875, konf [27/7-1890](#)[#5]. **Martin Olai** ^{D5} f 15/8-1876, dpt [25/2-1877](#)[#1]. **Erland Mathias** ^{D6} f 8/10-1878, dpt [12/1-1879](#)[#1], konf [24/6-1894](#)[#4], død [5/11-1969](#), gravl. Birkestrand gravstad. **Laurits Bernhard** ^{D7} **Sandli** f 4/8-1880, dpt [10/7-1881](#)[#18], konf [21/6-1896](#)[#2], død [3/7-1953](#), gravl. Birkestrand gravstad. **Kristian Hilmar** ^{D8} f 25/7-1882, dpt [1/7-1883](#)[#12], død Sandlien [9/5-1895](#)[#6], gravl 18/5 s.å. **Edvard Nikolai** ^{D9} **Sandli** f 14/8-, dpt [28/12-1884](#)[#32], konf [24/6-1900](#)[#4]. **Cecilie Karoline** ^{DX} f 22/11-1886, dpt [9/1-1887](#)[#1], konf [30/6-1901](#)[#18]. **Ole Jørgen** ^{DY} f 24/9-, dpt [4/11-1888](#)[#7], konf [5/6-1903](#)[#3]. **Juliane Laurine** ^{DZ} f 23/12-1891, dpt [27/7-1892](#)[#7], konf [1/7-1906](#)[#24]. - Familien bur i Sandlien ved [FT1885](#) og [FT1891](#): [Husliste](#) og personskjema ([#1](#) & [#2](#))

Johan D Nilsson døyr av «*gigtfeber*» i Sandlien [22. april 1892](#)[#10] og vert gravlagd 3. mai s.å. Ministerialboka syner at enkja **Laura** har hatt selskap med svogeren, enkjemannen **Erland** ^C **Nilsson** – og dei har saman avla dottera **Borghild** ^{BD1} f 16/2-, dpt [4/7-1897](#)[#17]. Vi finn **Laura** på Sandlien søndre både ved [FT1900](#) og [FT1910](#).

Petter Marinius ^{D4} giftar seg i Sør-Varanger prgj. [30. august 1908](#)[#12] med **Maren Johanne Barbra** Bertheussen f Vardø 15/3-, dpt 6/7-1885 [#], konf [10/9-1899](#)[#29], dotter til fiskar [Anton Edvard Bertheussen](#) og [Karoline Johanne f Monsen](#) (frå Molde), Anton Edvard og familien bur ved [FT1900](#) i Prestegade i Vardø kjøpstad. Dei borna til **Barbra** og **Petter Marinius** ^{D4} eg har funne er alle fødte i Sør-

Varanger prgj. **Arne** ^{D41} f 10/10-1908, dpt [9/5-1909](#)[#14], **Laura** ^{D42} f 17/12-1909, dpt [22/5-1910](#)[#9]. **Johan Einar** ^{D43} f 27/11-1912, dpt [11/5-1913](#)[#13], død [12/10-1961](#), gravl Kirkenes nye gravpl. **Emmy** ^{D44} f 3/11-1914, dpt [25/12-1915](#)[#78]. **Ole Marinius** ^{D45} f 18/8-1916, dpt [8/4-1917](#)[#12], død [9/5-1884](#), gravl Kirkenes nye gravpl. **Bergljot Petrine** ^{D46} f 15/5-, dpt [25/12-1918](#)[#94].

Edvard Nikolai ^{D9} **Sandli** gifta seg [12. februar 1911](#)[#0] med **Eugenia Magdalene Emerentze** Brevik. Ho var f 16/11-1884 på [Lerpollen](#) i Tana, dpt [15/2-1885](#)[#2] og konf [25/6-1899](#)[#24]. Ministerialboka for Tana fortel at foreldra er «*Gift mand Johan Pettersen Brevik og Nordmandspige Petra Emerentze Øyen*». **Eugenia** og **Edvard** vert foreldre til sonen **Jakob Laurits** ^{D91} **Sandli** fødd på Birkestrand i Tana 5./12-, dpt [31/12-1911](#)[#45], død [15/8-1933](#), gravl. Birkestrand gravpl. **Edvard Nikolai** ^{D9} døyr [31/12-1962](#), **Eugenia** døyr [12/4-1973](#). Båe kviler på Tana kyrkjegard.

Ektemaken som **Cecilie Karoline** ^{DX} vert vigd til [18/9-1912](#)[#18] heiter **Karl Rudolf** Stenersen og vart f [17/7-1878](#)[#5] i Kifjord i Kjøllefjord sokn i Lebesby prgj. Han er son til fiskar **Rikard Stenersen** og kona **Karen Martha**.

Innan vi «går laus på **Kirsti** ^B **Nilsdtr** – kan vi ta med at **Mar(git Embriksdtr(Ingebrigtsdtr))** døydde i Sandlien [3. januar 1887](#)[#1]. Ho vart gravl. og jordfesta 8. januar s.å. Ektemannen, **Nils Erlandson**, døydde [19. juli 1889](#)[#14] og kom til siste kvilestad 25. juli s.å.

Nett som brørne sine – får **Kirsti** ^B **Nilsdtr** seg ein friar som er fødd langt frå Tana. Ja, han er truleg den som har reist lengst bort frå fødestaden av dei alle. Karen heiter **Tore Olson** og han vart fødd på [Nordfjellengen](#) i [Eidskog](#) 4. august- og døypt i Vinger prgj. [19. august 1832](#)[Hside,øvst]. Han vart konfirmert i Vinger [14/10-1849](#)[#190]. Foreldra hans er nedskrivne som **Ole Hansen** og **Berthe Trondsdr.** **Tore** og **Kirsti** ^B **Nilsdtr** giftar seg i Tana [4. juli 1870](#)[#5] – og det er ved dette høvet at Etnedølen **Gabriel Lunde**, omtala i førre stubb, er forlovar (notert med opphaldstad i [Hadsel](#)).

Tore vert nemnd *Winger* både i FT1875 og FT1885, men i FT1891 er skrivemåten *Vinger*. **Kirsti** ^B og **Tore** vert opphav til: **Nils** ^{B1} **Vinger** f 9/9-, dpt [19/9-1875](#)[#63], konf 1891. **Berte Karoline** ^{B2} f 10/5-, dpt [24/6-1878](#)[#8]. **Marie Oleanna** ^{B3} f 26/7-, dpt [25/9-1880](#)[#22], konf [23/6-1895](#)[#7]. **Ole Ingebrigt** ^{B4} f 15/3-, dpt [2/9-1883](#)[#15], død [26/1-1884](#)[#1], gravl. 2/2 s.å. **Thora Juditte Rigolette** ^{B5} f 16/9-, dpt [7/12-1886](#)[#40], konf [30/6-1901](#)[#19]. Alle borna er fødde i Sandlien. FT1875 fortel at dei bur i Nordre Sandlien medan FT1885 og FT1891 berre seier Sandlien. [[Husliste#20](#), [Personskjema #1](#) & [#2](#)].

Tore Olsen Vinger får *lungebetennelse* og døyr [11. oktober 1892](#)[#39] Gravferd og jordfesting er 15. oktover s.å. Enkje **Kirsti** ^B **Nilsdtr** Vinger døyr [30. juni 1894](#)[#6]. Ho har òg fått notert *lungebetennelse* som dødsårsak. Ulnesjenta vert lagt til kvile og jordfest 4. juli 1804.

Ved FT1900 finn vi **Nils** ^{B1} **Vinger** *nemnd på Oldernes* gnr. 15/7 i Tana. Han er nemnd ugift fiskar og vegarbeidar – «*samt gaardbr.*» **Thora Juditte** ^{B5} bur i 1900 hjå syskenbarnet Martha og familien hennar på [Sandnes gnr. 11/5](#) i Tana. Ho får [2/11-1907](#)[#10] utflyttingsattest til Kristiania. [To år seinare](#), 16/4-1909, er ho passasjer på skipet «*C.F. Tietgen*» med kurs for New York. Ho har oppgeve at ho hadde budd i *Parkvn. 25* – og at årsaka til utvandringa er «*bedre fremtid*»

Nils ^{B1} **Vinger** giftar seg [28/9-1902](#)[#9] med **Maria Magdalena Karlsdtr** f på Norskholmen 18/11-, dpt [15/6-1874](#)[#11], konf [23/6-1889](#)[#14]. Foreldra hennar er handelsmand **Karl Rasmussen** og **Elen Sofie Johnsdtr.** **Maria Magdalena** og **Nils** ^{B1} får døtrene **Ester** ^{B11} f 18/5-1902, dpt [1/1-1903](#)[#1] og **Jenny Kristine** ^{B12} f 27/4-, dpt [4/9-1904](#)[#21]. **Nils** ^{B1} og døtrene finn vi ved FT1910 på Olsjord søndre gnr. 16/2 i Tana. **Maria Magdalena** døydde på Norskholmen [7. juli 1904](#)[#16] og vart gravlagd 12. juli s.å. – **Nils** gifta seg oppatt [8/4-1906](#)[#3] i [Nesseby krk.](#) med **Tyra Bergitte Keskitalo** fi «*Skidden-elv*». 16/10-1881, dpt Vadsø landdistrikt [10/4-1882](#)[#4].

Når ein sit og les kyrkjebøkene for Tana 150-100 år etter at dei vart skrivne – er det særleg eitt inntrykk eg sit att med. Her er lagt svært stor vekt på [etnisitet](#). Ved barnedåp er det gjort greie for om faddrane er «*Normand*», «*Kvæn*», «*Søfin*», «*Elvefin*» eller «*Lap*» - og i konfirmasjonslistene er dei oppdelte i liknande «grupper». Det heiter seg at «*Alle dyr(folk) er like, nokre er likare enn andre*». – Men denne «*klassedelinga*» svir - i alle fall i mine augo – kanskje fordi eg høyrer til ein årgang nær 3 generasjonar etter at det ovannemnde vart nedteikna. De kan gjerne lesa [Wikipediastykket](#), samt [artikkelen](#) til ei, etter mi tid, redaktør i «*Tuntreet*» samt [førelesingsmanuset](#) til Svein Lund.

Eg skal vakta meg for å dra notids «*Parallellar mellom Parallellar*» (som ein gamal adjunkt nytta som eit fast omgrep) – «*men tanken lå snublende nær*» - sjølv om [Sophus](#) ikkje har vore innom denne stubben.



Vægter i Vadsø i 1865

Ved seinare teljingar er han knytt til «spralende Sey» og «Skrei-Torsken»

«[Skuld' Torsken os feyle, hvad havde vi da, Hvad skulle vi føre til Bergen herfra?](#)»

(illustrasjon lånt frå '[Digitalmuseum.no](#) /Norsk rettsmuseum)



Teljinga 1865 syner at **Østen Eriksen**, 49 år gamal, er fødd i «Valders» og er «Logerende» med familien sin i «Den Midtre By-Deh», «Gaard 41» i Vadsø kjøbstad. Yrket er «Vægter».

Ministerialbok Nr 2 for Slidre prestegjeld syner at Østen var fødd 18. februar-, og døypt [23. februar 1817](#)^[#21]. Foreldra er «gmdf.: **Erich Gullichsen Rudi** og **Ingeborg Knudsd.**». Då dei gifta seg [20. oktober 1816](#)^[#27] var Ingebjørg nemnd enkje, 36 år gamal. Då ho gifta seg fyrste gong, med «ungkarl» **Østen Østensen Rudi** - i [Hegge kyrkje 26. desember 1808](#) [Vside,øvst], er ho skriven [Grønolen](#). Karen som vert omtala i denne stubben, er såleis oppattkalla etter den avdøde ektemannen til mora, **Østen Østenson** (dpt [25/2-1775](#), død [21/5-1815](#)^[#62]) – sjå òg «*Gardar og slekter i Vang*», bandC, sidene [342-344](#)). Mora til **Østen** er nemnd [øvst på side 676](#) i «*Vang o Slire*» - i omtale av garden [Røe](#)(Rudi) i Skammestein, Hegge sokn i Øystre Slidre.

Far til **Østen Erikson**, **Erik Gullikson**, var døypt [26/7-1789](#)[Vside,3.nedanfrå] i Hegge kyrkje. Foreldra heitte [Gulik Ols. Hegge](#) og [Turi Eriksdtr.](#) Mor til **Østen**, **Ingebjørg Knutsdtr.**, var òg døypt i Hegge kyrkje – [4/3-1787](#)[Hside,2.ovanfrå]. Det er truleg ho som døyr [24/2-1854](#) [#8], gravl 19/3 s.å. – sjølv om ho her er skriven [Ingri Knudsdtr.](#) **Østen Erikson** hadde tre heilsysken, **Turi** f 15/4-, dpt [29/5-1820](#)^[#29], konf [24/8-1835](#)^[#31]. **Kari** f 27/3-, dpt [6/4-1823](#)^[#13], konf [27/7/1838](#)^[#29] og **Gullik** f 6/10-, dpt [20/11-1825](#)^[#59], konf [10/5-1840](#)^[#6].

Sjølv vart **Østen**(Øystein) **Erikson** konfirmert i Rogne kyrkje [14/8-1831](#)^[#14]. Han får utferda utflyttingsattest med reisemål Karmsund kring [1851](#)^[#27] medan neste innførsle [#28] syner at systera **Turi** alt i 1844 hadde fått attest med reisemål Kristiania.

Om **Østen** var innom Karmøy kjenner eg ikkje til, men [29. september 1856](#)^[#6] finn vi han som brudgom i Vadsø. Ministerialboka fortel at han er 39½ aar, «født i Slidre i Valders, og opholder sig på [lille Ekkerøen](#) ». Brura er **Brithe Susanna Mathisdtr** «*Qvenpige*», født i [Sodankylä](#)». Alderen hennar er oppgjeve til 25 ½ aar. Ho er dotter til [Mathis Hansen](#).

Dei får sønene **Erik Martin** ^A f Nyhavn, Vadsø 18/6-1857, dpt [8/8/1858](#)^[#43], konf Vadsø landsokn [8. mars 1874](#)^[#4], nemnd med bustad [Ekkerø](#) v konf. – Veslebroren **Johan Knut** ^B er f i Nesseby 14/9-1861, dpt i [Nesseby krk](#) eitt år seinare, [14/9-1862](#)^[#24]. Han vert konfirmert i Nesseby [22/12-1878](#)^[#1]

[FT1865](#)^[#013-016] syner familien i Vadsø. Her er **Brithe Susanna** nemnd Brita Roska. Innan neste teljing er det store endringar. [FT1875](#)^[#012&013] syner **Østen Eriksen** som «*Logerende Enkemand, Fisker*». Han bur saman med eldste sonen **Martin** ^A som «*Fisker med Faderen*». Dei bur no i [Kristian 4des gade 204](#) i Vardø Kjøpstad. **Knut** ^B Østenson er i [FT1875](#) «*Pleiesøn*» hjå morbroren [Mathis Raska](#) og familien hans i Nesseby. Eg har ikkje greidd å finne døds-/gravferdsinnførsla til **Brithe Susanna**.

[Kristian 4des gade 204](#) i Vardø er også teljingsstad for **Østen Eriksen** ved [FT1885](#). No er yrkesnemninga «*Fiskeribedrift*». I [samteljing](#) finn vi **Erik** ^A **Martin** Østensen som «*handelsbetjent*» på [Langfjordnes](#) i Tana herad. (no Gamvik?).

Enkemand, fisker **Østen Eriksen**, fødd 1817 i Valders – «*bopel*» Vardø, døydd på Vardø sjukehus [21. april 1888](#)^[#7]. Gravferd og jordfesting var 29. april s.å.

Så finn ein giftarmål ^B mellom **Johan Knut** Østensen **Rudi** og **Johanna Bergitte** Olsdtr. Dei giftar seg i Sørfold [6. november 1893](#)^[#14]. **Johanna Bergitte** var fødd på Espenes 17/12-1867 og vart dpt i [Rørstad kyrkje 21. mai 1868](#)^[#18]. Her vart ho og konfirmert, [28/7-1883](#)^[#52]. Vi finn henne på [Søndre Espenes](#) i [Folden](#) ved [FT1875](#), medan bustaden i [FT1891](#) er nemnd Espenes, løpenr. 127 i Sørfold herad.

Foreldra til **Johanna Bergitte** er [Ole Johannesson](#) og [Ragnhild Johannesdtr.](#) Dei er i [FT1865](#) husmannsfolk på plassen Indre Espenes. Dei er baae fødde i Lom, men har vore innom i Skjærstad prgj. då dottera [Anne Sofie](#) er fødd der. Det syner seg at [Ragnhild](#) og [Ole](#) gifta seg i Skjærstad [16/10-1862](#)^[#23]. Ho [Ragnhild](#) er ei av dei mange som opererer med ulik alder/fødselsår gjennom teljingane. FT1865: 1834, FT1875: 1830, FT1891: 1836, FT1900: 1836, FT1910: 1833 – ved giftarmål: 1835 og ved død er 2/12-

1837 notert som fødselsdato. Då ho giftar seg er Johannes Larsen skriven som far. Utfrå kyrkjeboka for Lom vil eg tru ho er dotter til Johannes Larsen Forberget og Synne Johannesd, fødd 3/12-, dpt 26/12-1836[#15]. (Mora er nemnd i teljingane 1865 og 1875) – Forberget vart etter delinga av Lom prestegjeld i 1866 høyrande til i Skjåk. – Mykje talar for at Ole Johannesson var f på Andvord 22/12- og døypt 25/12-1826[#7] med foreldre inderstparet Johannes Johannesson (smed) og Kari Larsdr.

Johan Knut Rudi og **Johanna Bergitte** vert foreldre til desse borna: **Ragna Edvarda** ^{B1} f 16/3-, dpt 14/5-1894[#8], konf 4/7-1909[#32]. **Franciska Marcilia** ^{B2} f 21/2-, dpt 10/5-1896[#3], konf 2/6-1911[#9]. **Jenny Elisabet** ^{B3} f 2/8-, dpt 26/9-1897[#31], konf 30/6-1912[#7]. **Ødevin (Øyvind?) Olai Berg** ^{B4} f 26/10-1899, dpt 10/6-1900[#8], konf 4/7-1915[#6]. **Olav Johan Bernhard** ^{B5} f 22/4-, dpt 2/8-1903[#23], konf 7/7/1918[#12]. **Hjalmar Kristian Jentoft** ^{B6} f 2/12-1905, dpt 16/9-1906[#28], konf 27/6-1920[#23]. **Johannes Samuel** ^{B7} f 4/2-, heimedpt 7/5-1911[#1], død (*Kolerine*) 25/1-1912[#5], grvl. 1/2-1912.

Vi finn familien ved FT1900 på Espenes søndre (under gnr 26/3I i Sørfold herad. I FT1910 er det registrerte på Lotbakken gnr 27/3 i Kvarv teljekrins i Sørfold. – Dei er omtala på sidene 349/350 i *Sørfold bygdebok – gårdshistorie*, bind 1 (1996).

Olav Johan Bernhard ^{B5} gifta seg 17. mai 1930[#1] med **Klara Johanne Bergitte Johansen**. f Asp fjord 20/8-, dpt 31/10/1909[#50], dotter til fiskar Johan Otelin Olsen og Anna Petrine Hansdr. Ho vart konfirmert 5. juli 1925[#70].

To giftarmål – inga gravferd

(Hugh Grant er ikkje innblanda)

Vardø 30.desember 1863[#12]: Denne dagen giftar Enke **Indiana Larsdatter**, 57½ år gml, fødd «Sandtorv» seg med «Ungkarl, Snedker **Johannes Knudsen Kjørli**». Brudgomen er 34 år gamal og fødestad er «Vang i Valdernes» og han bur i Indre Kiberg. Kyrkjeboka fortel at «*Enkens første mand død i Tromsø. Intet fandtes hos Enken at registrere efter Attest frå Lensmand Wessel, udskrevet af konst. Lænsmand Scholdager den 29de Nov. 1863.*» Ved FT1865 bur ektefolka i Vestre gade no. 298/393 i Tromsø. I FT1875 er bustadsadressa Strandgade 39 i Tromsø. Ved FT1885 er **Indiana** registrert i teljinga med adresse SøGade 111a, **Johannes** er no ikkje nemnd.

Johannes var f 19/12-1929, dpt 3/1-1830[#5] og konfirmert i «Vang hovedkirke» 8/6-1845[#38]. Han er nemnd i «*Gardar og slekter i Vang*» band C, side 64.

Hammerfest 9. april 1860[#4]: Enke **Elen Andersdatter**, 40 år, fødd på Skjærvøy giftar seg med «Ungkarl» **Mads Torstensen Myre**, 35 år gml, fødd «Vang i Valdernes nu Hammerfest Pgj». Det er notert «*Skifte holdt*» for enkja.

Mads var f 30/9-, dpt 17/10-1824[#45] i Vang stavkyrkje. Han vart konfirmert 14/7-1839[#12]. Han lyt vera komen til Bergen noko tid før 1850. Dette fordi han 17./10-1850[#886] i Høgsterett vert dømd til 5 års fengsel, stadf. ved «*Kongelig Resoulution af 30. januar 1851*». Han vert «*dimmitteret*» frå soning «*den 13de Mai 1856 Kl 2 Eftermiddag*». I «*Innflyttede 1860*»[#19] er notert: «*høsten 1858 – Ungk, dimmitteret Tugthuusfange Mads Torstensen Myhre, f 30/9-1824, indflyttet frå Bergen, født Vang i Valdernes, opholder sig i Hammerfest, hensikt at søge Arbeide, med attest fra C Hansen af 12/9-1859 at være conf 14/7-29 med vidnemaal godt .*» Utflyttingsattesta frå Vang er innført 12. mars 1859[#1]. Ved FT1865 er «*Arbeidsmand*» **Mads, Elen** og fosterdottera **Elen Anne** (5 år gml.) busette i Øvre Grønnevoldgade 162b,85 i Hammerfest Kjøbstad.

Foreldra til **Mads** var ungd. Torstein Simenson Søyne og Marte Trondsdr. Dei er og nemnde Ungkarl og Pige ved dåp av tvillingborna Simon[#31] og Kirsti[#24] 8/6-1829. Då desse folka (dei har i alle fall same namn) døyper sonen Torsten, 31/3-1834[#96] og Knud 21/8-1836[#96] er ikkje desse gutane nemnde «*uekte*». «*Gardar og slekter i Vang*» band A (side 853) nemner inga årstal for giftarmål, men det fann stad «*i hovedkirken*» 2. november 1829[#20].

Gaardbruger i Hammerfest

[13. august 1890](#)^[#17] fortel Ministerialboka for *Byen i Bodø* at *snedker Halvor Andersen*, f Aurdal 1856, vert gift med **Brit Hansdat Joramo**, f 1855 i Kleve (Bolsø). Brudgomen er konfirmert i Aurdal 16/7-1871, brura i Kleve 1/10-1871. Paret hadde fått ein son 31/7-1890. Han fekk i Bodø namnet **Harald Magnus** [30/8 s.å](#)^[#35].

[FT1900](#) syner familien buande i Hammerfest kjøpstad der **Halvor** er «*Gaardbruger*». Han er her kalla **Halvor Hansen Brufladt** og har fått notert 1856 som fødeslsår. Tre born er fødte i Hammerfest. **Sigrid Hansine** f 20/5-, dpt [23/7-1893](#)^[#23], konf [26/4-1908](#)^[#2]. **Inga Marie** f 29/4-, dpt [30/6-1895](#)^[#9], konf [27/6-1909](#)^[#4] og **Erling Halfdan** f 22/4, dpt [7/10-1900](#)^[#26], konf [9/5-1915](#)^[#4]. Vi finn dei med bustad [Storvandet](#) 285 i Hammerfest ved [FT1910](#).

Sidan **Halvor** kallar seg **Brufladt** er det mykje som talar for at han er Etnedøl. Når han har fortalt at han er fødd i 1856 tyder dette at vi ikkje kan finne han i kyrkjebøker i Etnedal, sidan dei [gjekk opp i røyk](#). Vi såg ved giftarmålet at far til Halvar var skriven «Jordarb. Anders Gulbtandsen». [S-AGA](#) databasen (krev innlogging) har *ei* løysing på spørsmålet. Deira løysing syner at oppattkalling frå farmora si side er nytta for fleira av borna.

Brit Hansdotter er nok litt lettare «å koma innpå». Ho var ikkje fødd i Bolsøy prgj. slik innførsla ved giftarmålet fortalde. Ministerialboka for Lesja syner at ho vart fødd 10/12-1855 på [Sønstebo](#) i Kjyromsgrenda i Lesja og døypt i Lesja kyrkje [13/1-1856](#)^[#1]. Foreldra er inderstparet [Hans Kristiansen](#) og [Marit Olsdtr](#). Dei bur ved [FT1865](#) på Joramo lno. 469 i Lesja. Familien er nemnde på «*Haldogplassen 85-3*», [side 784](#) i «*Bygdebok for Lesja*» band3. Dei er nedteikna som utflytte til Bolsø i [1867](#)^[#46-49], men innførsa er gjort i 1869. **Brit** vert konfirmert i [Kleive](#), Bolsøy [1. oktober 1871](#)^[#3]. Ved [FT1885](#) er ho «*Sypige*» i Molde kjøpstad. Teljinga i Hammerfest [1900](#) syner at far til **Brit**, [Hans Joramo](#), vert teke hand om av Brufladt-familien.

Tiåret som kjem etter teljinga 1910 vert inga god til for **Halvor** og **Brit**. Dottera **Inga Marie** døyr av tæring [17/12-1913](#)^[#34] ([DIS-gravminner](#)). Ho vert gravl. 29/12 s.å. **Erling Halfdan** døyr [7/10-1915](#) (ikkje innført i kyrkjeboka) – og eldstesonen, *Ugift Sadelmager Harald Magnus* døyr [7./11-1918](#)^[#38] . ([DIS-gravminner](#)). Dødsårsak er nemnd som *Braackopvevnia duplex* ([spansk syke](#)). Han vert lagt til kvile på [Hammerfest kyrkjegard](#) 15./11-1918.

Gift gbr. **Halvor Bruflath** døyr [18. april 1933](#)^[#7]. Han vert gravlagd og jordfest 24. april s.å.



Hurtigrutekaia - Hammerfest 5. mai 2011 (Foto: OHF)

Langt nord og langt sør

Aurdalsjenta reiste «Noreg på langs»

Tonsåsen Sanatorium – lækjestad for sjukdom – og arnestad for kjærleik



Anne Halvorsdtr vart fødd på [Rudseige](#) i Aurdal 9. september- og dpr i Aurdal kyrkje [24. oktober 1875](#)^[#140]. Ho var dotter til husmannsfolka [Halvord Julson](#) og [Siri Larsdtr](#).

[Halvord](#) var f på Disrudeige 4/6-, [dpt 26/6-1836](#)^[#54], [konf 27/7-1851](#)^[#15]. Ved [FT1865](#) bur han saman med foreldra (*Vilkaarsmand Jul Halvorsen* og *Anne Olsdtr*) i «Pladsen, Præstegaardens teljekrins i Aurdal sokn», Sjå statistikk om førenamnet **Jul** [på side 9 her](#).

[Siri](#) var f 11/7-, [dpt 9/8-1840](#)^[#40], [konf 29/6-1856](#)^[#20]. Ho bur saman med mor si og to halvbrør ved [FT1865](#). Denne staden er òg nemnd «Pladsen, Præstegaardens teljekrins i Aurdal sokn», men det er to ulike husmannsplassar det er tale om her.

[Siri](#) og [Halvor](#) gifta seg [13/11-1871](#)^[#19]. Ved [FT1875](#) bur dei på Hammersborg lno 258a i Nord-Aurdal prgj. Her bur òg systera til **Anne**, Rangdi Halvorsdtr, og halvbroren Nils Gudbrandson (son til Siri).

Anne Halvorsdtr vert konfirmert i Aurdal kyrkje [20/4-1890](#)^[#13]. Ved [FT1891](#) er ho skriven «*Tjenestepige, Skopudser*», «*Sædvanligt Bosted*» er [Tonsaasens Sanatorium](#). Faren [Halvor](#) er «*Husm. skindfældmager*». [Siri](#), mor hennar, er «*Skrædderske*». Dei bur på «*Snartgjort*», [husliste #80](#).

Om det er arbeidet på Tonsåsen som har skapt kontakt i nordleg lei – det kjenner stubbskrivaren ikkje til i detalj, men sikkert er at **Anne Halvorsen**, f 1875 i Nordre Aurdal giftar seg med *Handelsfaktor* **Ludvig Edvard Hoas** f 1869 i Tromsø. Dei giftar seg i Hammerfest [29. august 1898](#)^[#9]. Dei vert foreldre til døtrene **Alfhild** f 11/12-1898, [dpt 19/3-1899](#)^[#6] og **Mildrid Sollaug** f 17/12-1899, [dpt 11/3-1900](#)^[#2]. Vi finn familien i Hammerfest kjøpstad ved [FT1900](#).

Diverre vert ikkje ekteskapet langvarig – «*Gift Handelsfaktor*» **Ludvig Edvard Hoas** døyr [12. juli 1903](#)^[#18] og vert gravlagd i Hammerfest 20. juli s.å. – Dødsårsak er skrive «*Tuber. pulm*». Dette får meg til å undre på om *Handelsfactoren* hadde vore til behandling ved Sanatoriet på Tonsåsen. De kan gjerne lesa stykket om «[Opplysningskampanjer i kampen mot tuberkulose](#)»

Ludvig Edvard var f 11/10-, [dpt 26/12-1869](#)^[#141] i Tromsø og konfirmert i [Talvik kyrkje 26/6-1887](#)^[#17]. Foreldra hans var skreddar [Erik Johnsen](#) Hoas og [Eva Marie](#) Hoki. [Erik](#) var f på [Hoåseie](#) i Sunndal 25/10-, [dpt 9/11-1837](#)^[#87], [konf 19/6-1853](#)^[#12] i [Hov kyrkje \(Sunndalsøra\)](#). Foreldra hans var [Anne Eriksdtr](#) Hoas og [John Paulson](#) Haløy. - [Eva Marie](#) var f 1/8-, [dpt i Talvik 4/9-1842](#)^[#42]. Ho var dotter til *qvæn* Ole Olsen Hoki og Eva Andersdtr. [Eva Marie](#) og [Erik](#) finn vi i [1875](#) i Vestregade 509 i Tromsø, i [1900](#) i Hammerfest kjøpstad og ved [FT1910](#) i Mollen 286/287 i Hammerfest.

Eg undrast lenge på kvar det vart av **Anne** og døtrene hennar etter at **Ludvig Edvard** døydde. Men både fødselsdatoar og førenamna **Anna** og **Sollaug** samt **Alfild** gjer meg trygg på at det er dei vi finn på Rømerstomten i Årø krins i Sannikedal prgj. ved [FT1910](#).

Anne er etter dette gift med *Sliperimester* ved *Træsliperi* **Nils Kristian Jensen** f 1843 i Moss. Han var f på [Moss Jernverk](#) 4/1-, [dpt i Moss 20/2-1843](#)^[#19], [konf Moss 4/10-1857](#)^[#36]. Ved [FT1865](#) bur han saman med mor [Johanne](#)(enkje) og syster Josefina på *Mos Værks Grunde* i Moss Landsokn. Vi finn **Nils Kristian** og kona [Gina](#) samt fire døtre ved [FT1900](#). Dei er då busette ved [Kammerfos](#) i Sannikedal der husfaren er Sliperimester ved [Kammerfos Træsliberi](#). Kona hans var f 10/10-1846 og fekk namnet **Jørgine Olava** [18/4-1847](#)^[#27]. Ho døydde av slag [17/6-1908](#)^[#7] og vart gravl. i Sannidal 21/6 s.å.

Anne og Nils Kristian må etter dette ha gifta seg i 1909 eller 1910. Sidan konfirmasjonslister ikkje er skanna/publisert hjå Digitalarkivet, er det uråd for meg å finne meir om døtrene til Anne - .



Kragerø – 2003 – Foto OHF



Eitt giftarmål – og tre gravferder

([Hugh Grant er heller ikkje denne gongen med i stubben](#))

Lat oss starte med dei eine giftarmålet: [28. august 1853](#)^[#4] går enkja **Anne Susanna Gabrielsdtr** og «Ungk, Jordmd» **Ole Thoresen** ut frå [Torsken kyrkje](#) på Senja som ektefolk. Den «ferske» ektemannen er 24 år gamal, fødd i Nordre Aurdal, «nu [Teistevig](#)», son til Thore Halvorsen. Brura er 47 år gamal, fødd i [Tranø](#) – dotter til Gabriel Johansen.

Ola Toreson vart f på Rye 6/1-, dpt i Svenes kyrkje [15/3-1829](#)^[#32] og konfirmert same stad [16/7-1844](#)^[#2]. [26.9-1845](#)^[#4] får **Ola Toreson**, saman med Ola Olson Nordstrønd^[#5] utflyttingsattester med reisemål Bergen. Etter dette har nok reisa gått nordover langs norskekysten.

Ved [FT1865](#) finn vi fiskar **Ola Torson** og **Anne Susanne** busette i Nordre Vaag 201 i Vardø kjøpstad, dei har pleiesonen [Peder M Markussen](#) buande hjå seg. [FT1875](#) fortel at dei bur i [Søndre Langgade](#) i Vardø kjøpstad. **Ola** er no nemnd «*Huseier, Fisker*». No har dei *Fostersøn*, [Tyende Elert Christian Gabrilsen](#)^[#39], f Syltefjord 1866, buande i husstanden.

Anne Susanna døyr [19. juni 1884](#)^[#6] og vert gravl. i Vardø bysokn 26. juni s.å. [FT1885](#) syner at **Ola Toreson** framleis er huseigar i Langgade 201, og at [Eilert Christian Gabrielsen](#) framleis har tilhald her. Vi finn **Ola** i Nordre Langgade 200 ved [FT1891](#) (Husliste [1,2](#) – legg merke til dyrehaldet).

Ola Toreson døyr av [hjerneslag 19. september 1898](#)^[#40]. Han er då nemnd som «*Enkemand, fisker og gaardeier*». Fiskaren ifrå Ryebygden vert gravlagd i Vardø bysokn 25. september 1898..

Då har vi vore innom to gravferder i Vardø – då får vi ta fatt i den tredje: «*Ungkarl, Smed*» **Tølløf Knudsen Vig** f 1817? i *Slidre i Valdres* døyr på Vardø sjukehus [13. januar 1885](#)^[#1] og vert lagt til kvile i Vardø bysokn 19. januar s.å. Han vert jordfesta 18. februar.

Då **Tolleiv/Tølløf [Tølleiv]** vert nemnd i [FT1875](#) er han fiskar og midlertidig busett (mt) på [Buøen](#), løpenr 110a i [Buksnes herad](#) i Lofoten (Nordland). Fødselsår er notert 1822 og fødestad *Slidre S.P.* (Sokn og prestegjeld). I [1865](#) finn vi han som *Logerende, Dagarbeider* busett på [Huseby](#) 2 nedre i Bygden yttre teljekrins i Kvæfjord (Troms). Her er han nemnd med alder 49 år og fødestad Vestre Slidre. Eg vil tru vi her har å gjera med guten som vart konfirmert i [Røn kyrkje 7/8-1831](#)^[#21]. Han fekk namnet **Tolleiv** i Slidre [9. mars 1817](#)^[#23]. Han var fødd 1. mars s.å. og son til husmannsfolka **Knud Halversen Wigh** og **Kirsti Knudsdtr**. Paret er nemnde som husmannsfolk under garden [Vik i Slidre](#) ved [FT1801](#)^[#012&013]. Ministerialboka for Slidre fortel at *Soldat Knud Halvorsen Garvig* og *Pigen Kirsti Knudsdotter* vart trulova ved [Lome stavkyrkje 9. oktober 1796](#)^[Hside,6.ovanfrå] og at dei vart gifte same stad 20. november s.å.



Frå Vardøhus festning - 2. mars 2011 – foto OHF

Allting skal ha ein ende

... og pølsa har to, sa han Larris ...

.....



Ill. henta frå: <http://ndla.no/nb/node/110245?fag=52222>

Når enden er god
er allting godt
..heiter det ..

Kva skal ein gjera
når ein aldri kjem til enden ?

Kva er det som går og går ... og aldri kjem til døra?

Nye småstykke ligg og ventar
på å få sett seg opp
med namn, nummer, årstal og anna
som syner spor frå ei tid som var

Ein får finne fram ei gamal «lokkeutsegn»

:

*No vert det spanande
Fylg med i neste bolken*

!

